

Hemsedals slektshistorie 1693-1975

Eikregardane

Eller stutt sagt *Eikre*, er den synste grende i bygden. Her gikk bygdavegen forbi Søbbøl (Sørbøl) ut i Gol før «Lina» (riksvegen) ned ved Åne (Hemsil eller Heimsil, til dagleg kalla Åne) vart ferdig. Eikre må ha vore ein noko stor gard i gamal tid, men vart seinare delt upp i mindre bruk, slik som det forresten vart gjort i dei fleste grender. Eiga gikk frå soknedelet på Fuglehaugji i sør til nord på Timrebakkjin nørdest i grenden, frå Strendo austa og vesta åne (Heimsil) til Storevatnet i aust.

Eigedomstilhøva har skifta mykje ned gjennom tidene, og busetnadssoga er ikkje heilt lett å få tak i. I 1598 er Eikre nemnt som slåttelende under Grøto (jfr. utgreiinga «Trekk fra Hemsedals utvikling» av N. A. Sørensen i Drammen og Oplands Turistforenings årbok 1946 s. 17 flg.). Her i «Hemsedals slektshistorie» lyt me avgrense oss til sjølve ættesoga og berre ta med enkelte småting om gardsbruka.

Frå gamalt av har bygdafolket i Hemsedal rekna «sø o nord» etter dalretningen, og det gjer me her og. Geografisk går dalretningen frå sør-aust mot nord-vest. Eikregardane stølar ved Storevatnet, so nær som Furuhaugo, som har støl på Heggjirusten, og Eikrehagjin, som stølar på Lauvsjø i Gol. Det seiest at medan Eikre berre var två gardar, hadde dei støl på Heggjirusten. Nørdre Eikre hadde sjølve Heggjiruste og søre Eikre hadde stølen sin på nokre sletter sunnafor. Men dei låg i otadig bismi om beitene med folket på Skrøyvestølo i Gol. Det hende at dei om netene strypte ihel småkrøter for kvarandre. So vart Eikrefolket lei av dette og fløtte stølane sine til det som no heiter øvre Eikrestølatn. Hagjin fekk Heggjiruste, Som dei seinare selde til Furuhaugo. (I den gamle stølsbua til Gjerde sto årstalet 1726 innskore i buveggen, kan hende det var dette året dei fekk stølane sine her.) øvre Eikrestølane ligg nesten uppe på høgdena, dei nedre nærmare Storevatnet. Bergostølatn lengst i nord ligg like ned ved vatnet. Frå alle stølane er det storfelt utsyn over heile Storevass-botnen.

Søre Eikre

*Gnr 51, bnr 1, inr 551 a.
i søre Eikre eller Sy-Garde.*

Kyrkjebøkene nemner fyrst ekteparet Torstein Reiarson d 1720 g m Snnnev Tomasdr. Dei hadde borna: Kari (eller Ragne) f 1693 d ung, två heimedøypte born 1694 d unge, Margit 1696 d ung, og so Jæse 1713-59-46 år, som vart odelsgjenta på garden. - Det var skifte etter Torstein 5. okt. 1720 ved sorenskrivar Jordstad, lensmann Arne O. Høvtuno og lagrettemennane Ola Ålrust og Lars Steingrimson. I skifteprotokollen står det at Jæse var einaste barnet, dei andre borna må also då vera døde. Av det som vart skifta, kan nemnast: 1 sylvbelte (i varveitsle hjå Jon Hallbjørshus) verdsett til 16 rdl, 1 kaparkjel som vog 1,5 bismarpund, verdsett til 2 rdl og 1 mark og 12 skilling, 1 gamal seng, 2 sett (i skiftebrevna kalla «løsnings» eller «læsnings») sengkleda a 2 rdl og 2 sett a 1 rdl, 2 skinnfeldar, 1 blakk hest, 1 raud hest, 1 svartidut kyr Kinnros, 1 raudsidut Drambot, 1 svartkinnut Lioblom, 1 kvit Kinnpru, 1 kvit Husbreikøll, 1 kvit Jordkøll, 1 raudspraglut Lioblom, 1 brunbotut Gullbot, 1 kvige, 4 kalvar, 20 sauer. Det var soleis ingen liten gard. Han var matrikulert for 3 løbel.

Sunnev vart tildelt ein halvpart av eiga, og Jæse ein halvpart. Jæse vart g 1) m Hans Grøto 1709-45-36 (son til Ola og Birgit Grøto) 1732. Dei hadde borna: Torstein 1734-35-1, Birgit 1736 d ung, Ola 1737-1820-83 bonde i søre Eikre, Birgit 1740-1803-63 g m Mekkel E. Fausko, Torstein 1744 bonde på søre Hjelme ei tid. - Det var skifte etter Hans 14. juni 1745. For Jæse møtte Ola H. Eikre (det må vera Ola H. Grøto, far til Hans, som ved dette belet hadde fløtt til Eikre og budde der). I skiftet er det nemnt mellom anna 3 rokkar, 1 gulskjevut hest, 19 storfe, 3 kalvar, 32 sauer, 12 geiter. So vart Jæse g 2) m ein Torleiv Halvorson og dei fekk borna: Sunnev 1747, Hans 1750, Hans 1751, Halvor 1753. Desse tre gutane døydde før 1759. Torleiv vart g 2) m ei Kristi Tomasdr eg budde på Nibstad i Gol. Dei hadde ein son Torleiv som var halvtanna år då det var skifte etter faren, som døydde i 1768. Det vart Ola Hansson 1737-1820-83 som fekk garden. Han vart ein gamal mann, og dei kalla han «Eikre-kalln». Truleg må det ha vore skikk på den tid å kalle gamle menn «kallar, plent som med gamle tre: raunekall, søljukall (HF). Ola vart g m Kari Olsdr Intelhus 1742-90-48 i 1759. Born: Hans 1761-1840-79 bonde på Reiarstletten, Ola 1764-1833-69 visstnok bonde i søre Eikre, Ola 1766, Ola 1767-ca 1826-59 bonde på Ullsåk, vart kalla «Purken», Jæse 1770 g m Torleiv B. Løkji 1792, Ragnhild 1773, Gunvor 1776-1856-80 g m Svein O. Storejorde, Ingerid 1778, Torleiv 1781-1823-42 bonde på Engjo, gift 1802, Torstein 1787 bonde på Bjørtomt i Skrukkelin. I «Hemsedal 1814-1914» skrev jeg at veteranene Torstein og Ola Eikre var brødre. Det er feil. Torstein var farbror til Ola. Han ble g m Rangdi Andresdr Torset i 1816. En av Ola-ene, helst han f 1764, fikk gården. Ola f 1766 er måskje

død ung, men presten Johan Thams har ført boken ufullstendig.» (HF). Feilen har ogso sneke seg inn i 2. utg. Ola Olson, venteleg han som var f i 1764, fekk garden. Han vart kalla Gamle Eikren. G 1) 1786 m Kari O. Hallbjørshus d 1810, 44 år gamal. Dei hadde 9 born: Ola 1789 kjøpte bruket Ringen i Valdres, Kari 1790, Ola 1793, Birgit 1795 g m Per Langehaug, Hans 1798, Hans 1799, Hans 1803-10-7, Jon 1806-10-4, Ragnhild 1809-10-1. - Sonen Ola, den eldste, kalla dei Eikre-guten. Han vart g 1831 m Barbo O. Skar. Ho vart seinare sinnssjuk. Dei budde ei tid i nedre Huso, men han syntest det var so stein fullt der og kjøpte so bruket Ringen i Valdres. Dei hadde og butt ei tid på eit Grøvs-bruk, likeso i Skar (sjå der). Gamle-Eikren vart g 2) 1811 m Turid Håkonsdtr Berg frå Vats i Ål, syster til Gunhild Stølen. Turid var ei røseleg og myndig kvinne. Då han Ola hadde dansa hittedansen (første dansen) med henne i laget deira, sa han: «Jau, e trur e trefte den rette!» Han kjøpte brurestas til henne for 50 dalar. Dei andre Eikre-kjeringane gikk både på stølen og heimatt, men Turid vilde ha hest og Sal og ride. Langstølen ho sat på, vart heitande Turid-støln. Frå Turid-støle er det fortalt ei haugafolksøgn: Ein vår mannen i søre Eikre og Mekkel Huso (d 1873) var på stølen for ågjerde, røa og hogge ved, låg dei og kvilte til dugurs ein dag. Rett som det var, kom det två vaksne gjenter fram or mjølkebun og tok til å danse på tuften. Det var ikkje golv i stølsbuene den tid. Gjentene hadde rove, som stakk fram under skjørtokanten, og vent, gult, utslege hår. Dei dansa ei stund og kvarv so burt den vegen dei var komne. Gamle-Eikren hadde 10 born med den andre kjæringa: Håkon 1813 ei tid bonde i Eikre, Hans 1815, Hans 1816, Kari 1819 g 1846 m Andres S. Ålrust, Ola 1821, Ragnhild 1822 (rtA, hadde två born utanom ekteskap: *Birgit* Knutsdtr 1850 og *Ola* Olson 1852), Ola 1822, tvilingbror til Ragnhild, bonde i Eikre, sea i Semle i Valdres, Ragnhild 1825 g 1847 m Knut Bjørnson Skølt (dei rtA), Margit 1829, Sjugurd 1831. (Ei Ragnhild Olsdtr Eikre fekk i 1859 tvilingane *Kari* og *Sjugurd* med Tomas Larsson Sire utanom ekteskap.) Turid vart g 2) 1836 m Per Knaldre frå Gol, som døydde 50 år gamal 1845. Dei hadde borna: Sunnev 1836 (og Margit). Turid rtA i 1861. Med henne følgde Sunnev og Margit og systerborna Birgit og Knut. Håkon vart i 1842 g m ei Birgit Nilsdtr frå Ålsgjeld, dei hadde søre Eikre ei tid, men fekk ikkje gardsbruket til å bera seg. Dei i nedre Huso (Geitehuso) sto seg derimot godt. Dette ga han Ola Støle, syskinbarnet hans Håkon, høve til å seie: «Geite æ bære enn melmen!» samanlikninga er henta frå timremanns-yrket: den ytre, lause veden i furun blir kalla geite, og den harde indre melmen. Håkon budde på sjølve huvudbølet, han var memmen. Grannen i Geitehuso budde i utkanten, han var geite. Denne lentuge vitsen høvde bra og levde lenge. Håkon selde garden til bror sin og rtA i 1848. Håkon og Birgit hadde borna: Turid 1843 og Kari 1845. Broren Ola vart ca 1853 g m Ingebjørg Toresdtr Markegølo 1829-1921-92 og styrde garden til 1872. Han var som sagt tviling og vart alder kalla anna enn «Tvilingen i Eikre». Han heldt på gamle bruksmåtar og brydde seg ikkje om å bryte opp jord til grasmark. Men han var ein sprek kar. Han var iblant dei nordmenn åne som i 1848 låg i Skåne, reiduge til å hjelpe Danmark i krigen. Eigong vart det teke ut fire av dei sprekaste hallingane til å syne dei svenske offiserane hallingdans. Tvilingen var ein av desse. Elles er nemnt Nils sandåker frå Ål og tambur Herbrand Sirerudningji frå Tørpo. Eivind, bror til Herbrand, skulde spela på fele attåt. Fire av dei svenske offiserane baud ut til dragsmal, og hallingane skauv fram eit stort beiland, Svein Nos frå Ål. Svein og ein offiser drogost, og Svein tapte. Ja, når den største ikkje er betre, er det ikkje verdt å prøve meir, meinte svenskane. «De kunne koma her,» sa han Herbrand. Og han tok ein i send av dei so det berre søkk etter. - Om åkerbruket i Skåne fortalde Tvilingen at det var åkrar so store at dei berre pløgde tre føri (forer) i øykten (HF). Borna til Ola og Ingebjørg: Ola 1854 ei tid bonde på Semle i Valdres, g m Margit O. Køta. vart ikkje gamal, Tore 1856-57-1. Turid 1858 rtA, Tore 1861-81-20, Sjugurd 1864 rtA, kom heim att og vart so g m Beret O. Køta i Valdres, Kari 1867 gift i Søre Aurdal, Herbrand 1871 rtA og vart g m Ragnhilde) Julsdtr Hipplesjorde, Ragnhild ikr. 1875 g 1899 m Ola Veslejorde i Lykkjun. - I 1872 bytte Tvilingen gard med Ola Semle, verbror sin, og fløtte dit. Som nemnt reiste fleire av borna hans til Amerika. Sjugurd braut den eine foten sin, og det gikk daudkjøt i han, so han laut amputerast. Etter at Sjugurd kom heim att frå Amerika, gifta han seg og bygde hus. Med han heldt på og grov brun, lyfta han ein stein opp på jordkanten. Steinen seig utover, utan at Sjugurd merka det, ramla ned og slo han i hel. Systema Turid vart i Amerika gift med ein ifrå Gol. Han var veik med helsa. Dei kom heim att ein vår, og han vilde plent reise over att om hausten. Turid vilde vera litegrand lenger. Han reiste, men vart burte på reisa og spurdest aldri meir. Turid vart gift att med ein golving Hølgje Bjørnson Rust. Ola Toreson Semle 1825-1912-87, som opphavleg var ifrå søre Markegølo (sjå der), vart i 1853 g m Anne Knutsdtr Grøv. Dei var dugande folk til å styre, kor på sin kant, og sto seg godt. Ola, som vanleg vart kalla Semlen, braut opp mykje av den steinfulle innmarka. Han var ein stor og sterk kar, ein av dei sterkaste i bygden. I sine beste år gikk han frikar. «Han hadde stor glede av å fortelle historier, som han hadde hørt. Han har fortalt meg meget av det jeg har skrevet. Jeg minnes ham med takk. Det kan Hemsedal også. En god side ved ham som forteller var at han trodde så absolutt på sine fortellinger, enten det var om huldra eller svarteboka eller annet overnaturlig. Han dør av alderdom. Lå kun noen dager. Hovnet i føttene først, det slo seg opp i livet på ham. Atte dager før han døde, fortalte han meg om veteranen «Syllatern» kallet. Det ble det siste. Hadde så tungt for brystet da, talte med besvær, men ikke det slag nervøs for dødens nærhet. Sterk i

død som i liv» (HF). Borna til Ola og Anne: Kari f ca 1854 g m Endre Eikre, dei rtA 1880 (i Hemsedal hadde dei borna *Ola* 1878 og *Ola* 1879), Tore ca 1855 hadde garden 1883-1903, reiste so til Amerika, Knut ca 1857 g i 1888 m Kirsti Følenglo frå Valdres, rtA 1888, Ola 1859-1929 hr,dde garden 1903-17, Per 1862-1950 bonde på Reiargarde i Lykkjun, Ola 1865 rtA, Siri ca 1868 g 1896 m Arne Hovtun, Flattum, Modum, Kirsti 1870 g 1897 m øyvinn Stillingen frå Vikersund, Margit 1872, Herbrand 1874-1931 bonde i Mørken. Tore tok over gardstyret i 1883 og vart sama året g m Margit Olsdtr Fausko d.e. f 1865. Tore likna på far sin, sterk i arm og sterk i ord. Han arbeidde køyreveg gjennom ei grovsteinut urd upp til ein bratt åker. Far hans kalla vegen Vindhella med tanke på den tronge, bratte vegen i Vindhella, Borgund i Lærdal, han tykte det namnet kunne høve. Like ved fjøset skulde Eilev Hopperstad frå Gjerpen minere brun for Tore. Dei grov djupare og djupare og fann ikkje vatn. Du må slutte, sa folk. «Nei,» svara han Tore, «e vil minne so djupt at e høyre kelvatn raute på hi sida.» So langt kom han ikkje. Då han hadde minert 7 meter, måtte han slutte. Det var nyttelaust å halde på lenger (HF). Ein bygning med kårstugu, eit stabbur og två loft brann ned kvitsuneftan 1892. - I 1903 selde Tore garden til bror sin, Ola d.e. og rtA med huslyden sin. Prisen var kr 13 000. Tore og Margit hadde borna: Margit 1882 g m ein frå Tønjum i Lærdal, Anne 1884 g m Olaus Olson frå Hallen (bruk under Markegølo), Ola 1886, Olav 1887-89-2, Olav 1889, Ingerid 1892, Karoline 1893, Knut 1895, Maria 1897, Sigrid 1898, Ingebjørg 1900, Torvald 1903. Ola d.e. «Eikreskreddarn» dei kalla hadde so garden til han selde eigedomen til Botolv Dokk i 1917. Botolv overlet so garden til bror sin, Olav Jegerson Dokk f 1892 g m Barbo Ellbjøro frå Gol f 1894. Ho var dotter til Ola O. Steinsgard på Ellbjøro g m Olaug Olsdtr Aalrust 1884. Borna til Olav og Barbo: Jeger 1920, Ola 1922, Birgit 1923, Olaug 1925. Olav Dokk og huslyden hans hadde søre Eikre i 13 år. Han var ein god styrar, dyrka upp mange mål jord og mura høge steingardar av all steinen. Om vetrane arbeidde han i skogen både åt seg sjølv og andre. Hans mange tunge tak sette merke etter seg. - I 1930 kjøpte Olav Dokk og Knut bror hans fjellgarden Bjøbergo med buskap og reidskap for kr. 36 000 og fløtte dit sama året. Per Reiargarde kjøpte so søre Eikre i 1930 av dødsbuet etter broren Ola på Bekkjistad, som hadde kr. 20 000 i pant då søre Eikre vart selt i 1917. Per dreiv garden nokre år, men hadde ikkje krøter der. Han var då kårmann, men frisk og før. Han hadde barndomsheimen kjær og ofra tid og krefter på gards stellet. Endå til då han var over dei 70 gikk han til fots frå Lykkjun til Trøym i Midtbygden og sørover att til Eikre på dagen. Dette hende fleire gonger. Om vetrane var Per for det meste i Lykkjun. Men so snart det vårast i Eikre, kom han for å gjera våronna og fyrebu ny avling, som han årleg selde. Det var innkoma hans. Han spara skogen. Men han selde undå til broren Herbrand, som då åtte Bekkjistad, mange mål jord langsmed Bekkjistad-delet (Bastugukvene og Teigen) og slåtta Storengji ned på Strendo. Dessutan fekk broren kjøpe ein lauvskog i Huso naleskog upp til Skardmyro og eit lite skogstykke ved stølen. alt samen for kr. 6000. Då Per var kring 75 år, kjende han seg for gamal til å drive gard so langt burte og selde så søre Eikre til arkitekt *Leif Torp*, Bygdøy, for kr. 15000. Arkitekt Torp hadde store interesse for gardsdrift, og det vara ikkje lenge før han rådde seg tit med det som trongst av buskap, reidskap og maskiner. Dei første åra sto han sjøl for gardsdrifta og hadde gardsgut og budeie. Seinare leigde han burt garden. Torp bygde nytt, solid fjøs og kjøpte två gamle hus som han fløtte til søre Eikre: ei stugu frå nordre Markegølo (for kr. 1000) og ei bastugu frå nedre Ålrust (systugun) for kr. 500. Han restaurerte den gamle stugo i Søre Eikre og velte og bygde om eit gammalt sagbruk som Sygarden åtte i Eikrebekki ved Bekkjistad. Under krigen 1940-45 var Torp glad for at han åtte gard sjøl, kan ein veta. Leif Torp f 1897 vart i 1945 g m *Sophie Daae* frå Oslo f 1909. Torp og broren Ernst var flinke arkitektur. Dei har teikna mange hus i Hemsedal: Bygdaheimen, Kjøttforretningen, Tuv skuJe, handelshuset til O. O. Kirkebøen og fleire privathus. Torp var hjelpasam og grei å ha med å gjera i grenden og bygden. Då atterreisninga etter krigen tok til, fekk arkitekten meir enn nok å gjera på kontoret, og det vart verre for kvart år å få tak i legehjelp. I 1955 sag han seg nøydd til å selja garden, der han og kona hadde likt seg so godt. Han fekk omlag kr. 57000 for garden, men han hadde kosta på mykje meir med all bygging og drift. Den nye eigaren av søre Eikre, *Sverre Storm Wang*, var og i frå Bygdøy, f i Oslo 1899 og g 1925 m *Ingeborg Astrup* (f 1900) frå Oslo. Born: *Eyvind* 1926-47, *Knut* 1929 (g 1956 m *Grethe Kiøsterud*, Drammen, f 1932. Born: *Eyvind* 1957 og *Sverre* 1960). - Sverre Storm Wang hadde hatt hug til å bli doktor. Men far hans, som var disponent og medeigar i Chra. Kul og Vedbolag A/S, ynskte helst at han skulde overta etter han. Av den grunn var han 8 år i utlandet og tok handelshøgskuleeksamen. Heimkomen var han fyrst nokre år i Kul og Vedbolaget, deretter dreiv han og broren Odd shippingagentur. 56 år gamal let han sonen Knut overta forretningane i Oslo, og sjøl fløtte han og kona hans til søre Eikre 13. november 1955. Han tok over garden ved nyår 1956. Wang og fru Wang var storglade i fjellnaturen, og likte å ha meir ro ikring seg i eldre år. Difor treivst dei så godt i Hemsedal. Dei synte stor interesse for det gamle og bygde ekte i stil og farger, kunst, kultur og tradisjon. Dei vilde at gardstunet mest mogeleg skulde vera som i gamal tid. Wang kjøpte fleire gamle hus, som dei fløtte enten til garden heime eller til stølen: Eit stabbur frå Sletthaug ved Tuv, ei matbu frå Dalo i Eikre (som før hadde stade nordistugun i øvre Ålrust), ei bastugu frå nedre Ålrust nordistugun og ei stølsbu frå Skrøyvestølo i Gol. Två stølsbuer vart sette upp att

på stølen hans (Turidstøln), den eine frå Mattislio i Gol, Den andre frå Kyrkjebønsstøle i Mørekvam. Husa kosta kring kr. 6500 der dei sto, dertil kom so frakt og oppattsetjing. Den gamle stølsbua på Turidstøle var sett upp att som hytte på Blomesletto. Wang heldt ikkje krøter, og han fekk andre til å forpakte jorda. I 1962 selde han nedre Huso 51-2 (Geitehuso eller Huseplassen dei kalla) til Ivar Bækkestad. Sverre Storm Wang døydde brått i Eikre våren 1965. Han vart gravlagd i Oslo. Kona Ingeborg har framleis eies garden (1970) og bur der ein del av året.

Bekkjistad

Gm 51, bm 27.

På Bekkjistad.

Noverande eigar skriv seg: Bækkestad.

Ved salet i 1917 kom søre Eikre ut or ætta etter Torstein Reiarson. Eikreskreddaren, Ola Eikre d.e. 1859-1929, tok undåeit jordstykke sør ved Eikrebekken og bygde der. Bekkjistad vart bruket kalla. Dessutan eit stykke av Turidstølen der han bygde seg stølsbu. *Birgit Olsdtr Buksegarde* frå Gol hadde styrt huset for han i 11 år. For lang og tru tenest fekk ho ein bibel i gullsnitt med sylvplate og inskripsjon frå Buskerud Landbruksselskap, overrekt søndag 30. mars 1930 av prost Holan. Eikreskreddaren selde garden for kr. 27 000, dessutan krøter og lausøyre for kr. 9 000. Han sat skuldfri på garden, så han kunne setja alt dette i banken. Han hadde elles ved arv, skreddering, fe-og hestehandel lagt seg upp ein del pengar. Til ein komande bygdaheim sette han av eit legat på kr. 500. Ei søgn fortel at nokre fantar heldt til uppå Sygardsbergji ein sommardag. Folk som lauva sør i mørken, sag at det rauk der. Då ein gamal mann gikk nord upp til Bergobrune etter vatn, vart han skoten av fantane. Mannen hadde ei full setningsbal med pengar, som dei tok. Dei grov han ned synst uppå berget. Ei vaksen gjente var heime hjå mannen, men dei andre val på stølen og slo. Stølen låg den tid sør for Heggjirusten. Gjenta vart redd, sprang sørover og gøymde seg i ein åker. Fantane vart vare det raude ovalivet på stakken hennar og kom setjande. Ho sette på sprang og kom seg på stølen. Seinare kom det ridande ein sogning forbi. Han spurde ein av fantane, som kom ut i døra, om mannen var heime. Ja, svara fanten. Men sogningen ottast at ikkje alt var som det skulde, og jaga på hesten. Fanten kom springande etter. Sørved bekken greidde fanten å gje hesten eit sabelhogg over lenda, men sogningen kom seg likevel undå. Nils Lykkjehaga, f i Eikre 1820 og oppvaksen der, har fortalt dette. Noko må liggje til grunn for søgna. Ein sikker tradisjon fra kring 1840 går ut på at straks etter jonsok ein sommar fann dei liket av ein ukjend mann straks nedafør køyrevegen i djupaste dalen mellom Fuglehaugji og MattisLio. Det var ein skyssgut frå Løstegard i Gol som fann liket med han beitte hesten sin der ei stund. Hovudet var knust, venteleg med ein stein som låg der. Det kom aldri for dagen kven mordaren og den myrda var. Nokre veker fyreåt hadde två fremnankarar vore inne i Eikre. Dei var uvener då dei drog sørover. Folk trudde difor at det var den eine av dei som låg att der. Omkring 1890 kom det ryktet ut mellom golingar og hemse døl er i Amerika at ein mann frå Gol prestegjeld, som døydde i Amerika, hadde tilstått på dødslægjet at det var han som var mordaren. Det var ingen som hadde gjort så mykje gale som ban og fått gå ustraffa, skulde han ha sagt. - Det spøkte i langsameleg tid etterpå der dette hadde hendt. Snart rauk det ein sælapinne, snart hørde dei ei uhyggeleg flaksing. Ei gamal kjering i Geitehusa var eit ærend i Søbbøl ein kveld. «No får du akte de, så ikkje Fuglehaugmann tek de,» sa dei. «Å, han kan bere koma,» meinte ho. Då ho gikk nordover att og så vidt var komen forbi mordstaden, kom det ein mann ut or skogen og greip henne hardt i armen. Han så ingen ting, men heldt det harde grepet i armen hennar eit langt stykke. Då ho kom nord att til Eikre, var ho mest frå seg av redsel, og synt fram eit blått merke på armen. Ein mann måtte følgje henne ned att til Geitehuso. Venteleg var det ein spissbur som vilde gjera henne eit pek, fordi ho var så kaut på det (HF). Eikreskreddaren døydde av kreft etter ein operasjon i 1929. Han var då hjå syster si i Vikersund. Da han fall ifrå, reiste Birgit Buksegard til Gol att og vart buande hjå brorson sin, Ola H. Sagabrøta. Av dødsbuet etter Ola kjøpte broren, *Herbrand Mørken*, Bekkjistad i 1930. Men det vart sonen *Ivar*, f i Mørken 1910, som overtok bruket og vart bonde på Bekkjistad (frå 1931). Ugift. Har dyrka upp det meste av slåtta Storengji ned ved Heimsil, og dessutan mange mål på Bekkjistad. Har bygt nye uthus og innehus m.m. Etter at Wang kom til søre Eikre, har Ivar leigt og drivt all jordeigedomens hans ogso. Ivar kjøpte nedre Huso 51-2 (Geitehuso) av Sverre Wang 1962. Dette småbruket har hørt til søre Eikre frå 1860-åra.

Huso

Gnr 51, bnr 13, Tnr 553. i Huso.

Huso er eit gammalt bruk. Det seiast at gardshusa før sto lenger sør på jorden enn dei seinare kom til å stå. Håkon Nilsson Grøto d 1785, 54 år gamal, g 1759 m enkje Margit Bjørnsdtr kom frå Grøto til Huso. Sjå Grøto. Dei hadde borna: Ola 1762 som d ung, og Olaug 1765. Seinare var det ein Nils, f på

Ålstveit 1762 av foreldre Mekkel Nilsson og Eggjerd Torleivsdtr som budde der. Nils vart g m Guri Embriksdtr Medgarden i Eikre 1793. Nils var skreddar, og likeeins han Torleiv Hjelme, bror hans. Dei følgde st åt omkring på gardane og skredderte. Nils var snøgg i snudnaden og vart difor kalla «Snøggen». Når dei skredderte, kom gjerne «Snøggen» litegrand fyre for å klyppe. Torleiv kom så etter for å sy, difor vart han kalla «Ette». «Snøggen går fyre o klyppe, o så kjem han Ette o sauma,» safolk. Den tid «Snøggen» budde i Huso, var han ein tur til Valdres ein vår det var god skare. Han reiste frå Huso til Andres Tuv på Semle i Aurdal og kom att åt Lykkjun før skaren bløtna. «Ka va detta før eit meniskji,» sa Andres. «Som ein vind kom han, o som ein vind reiste han.» Den kjende Nils Jodøkk var uppkalla etter denne snøgglauparen. Omkring 1800-12 budde «Snøggen» i Kleva, no Granheim (skyss-stasjon i lang tid). Etter våronna 1812 reiste han og han Asle Harahaug til Kongsberg og hadde med seg kvar si bør med bladmassing, som dei vilde gjera støla-belte av. Då dei kom åt, hadde ein flaum øydelagt fleire mål åker, så det låg att berre grus og småstein nordover ved Evja og Klevaøyne. - Tidleg ein vintermorgon før det dagast kom Tjuve-Oddmund (sjå Hustad) strykande forbi Kleven på ski. Han trefte «Snøggen» ute. «Å, æ det her du bur,» sa Oddmund og strauk vidare. Han skulde kan hende på «praksis». Borna til Nils og Guri: Mekkel 1794-1873-79 bonde i Huso, Embrik 1796-1859-64 bonde i Høvdae på Torset, Guri 1798-1885-87 g 1824 m Tore Magelinhaugji, .Jon 1800-1831-31 bonde i Jodøkk. - Då Guri Magelinhaugji på sine gamle dagar var i Huso ein gong, sto ho og stirde på ein åker nord upp for huso: «Der æ åkern som e o'n Jon broto!» Etter han Nils kom sonen Mekkel til å styre i Huso. Han vart g 1821 m Guri Torsteinsdtr nørre Eikre 1800-58-59. Mekkel og Embrik, bror hans, dreiv med timring rundt omkring i bygden og sette upp mange stugu, ogso etter at dei hadde fått gardsbruk å styre. Mekkel busa beint på og sa det han meinte, det var hans natur. Ein kald vinterdag han kom att frå messun, gikk han inn i ei stugu i Intelhusgrenden for å verme seg. Det var ikkje varme på peisen, heller ikkje ved i vedron. Gikk så ut i skålen etter ved men fann ikkje noko der heller, ikkje donk eingong. Da han kom inn att, var han ill og sa: «Der det æ folk, pla det vera donk med!» - . Det låg ein stor, flat stein ved Eikrestølvegen på ein av Heimhauga. Der brukte han Mekkel å kvile, seiest det, når han om sommaren kom berande med ein kløvjakagge mjølk eller mysu frå stølen og heim. Ein slik kagge var ei halv hestekløv. Borna til Mekkel og Guri: Nils 1822, bonde i Huso, rtA 1861, Torstein 1825-9873 bonde på Ullsåk og i Huso, Guri 1829 fløtte 1852 til Fredrikstad, Anue 1833-1926, g 1862 m Oddmund Mølnerhuso i Gol, .Jon 1836 g 1862 m Margit M. Hjelme (dei hadde borna: *Guri* 1863 og *MekkeT* 1864), Ingebjørg 1843 og Asle 1848, han rtA og vart der g m Margit Koso frå Gol (budde i Kinnred). Nils fekk Huso og vart 1848 g m Margit Olsdtr Grøvargarde. Då Nils var på eksisen, vart han lei seg og rømde heim att. Han kom skogleies og trefte kona si ved Steinvadet, ho var på veg heim frå stølen og bar på ei teine med mjølkebaler. Ho kvakk då dei møttest. Det vart reist sak mot Nils, men folk hjelpte han ved å seie at han ikkje var tilrekneleg. Borna til Nils og Margit: Mekkel 1848, Ola 1851, Guri 1853, Ragnhild 1855-56-1 og Nils 1859. Då Nils reiste til Amerika, kjøpte broren Torstein garden og selde Ullsåk der han før hadde butt. Han vart 1853 g m Anue Ingvarsdtr Grøv 1824-1908-84. (Ho hadde før dottera *Turid* 1852, som Tvilingen i Eikre var far til. Turid vart 1875 g m Torstein Kårmo i Gol. Dei rtA.) Torstein Huso var ein av dei nyttigaste menneske som bygda har fostra. Omframnt flink i arbeidet, smalåten og kravlaus på alle vis, ogso i å ta seg betalt, ordstø og bestemt, han heldt det han lova. Men han sakna syn for jorddyrking. Som ungar tente han fleire somrar på Rese som slåttekar. Hadde 7 dalar for onna (frå jonsok til 14. september). «o jammen va e flink med,» sa han. Han var god smed og hjulmakar. Ved sida av gards styrdnad en var han mykje burte og smidde. Det var smiu på kvar gard den tid. Smidde lås, hestesko, spiker og hesteskosaum og anna småtteri som trengdest påein gard. Arbeidde like trottugt til nokre dagar før han døydde. Ein leversjukdom enda hans dagar 19. juni 1898. - Borna til Torstein og Anne: Guri 1854-1908-54 rtA og vart der g m Ola Grangard frå Gol, Mekkel 1858-1914-56 bonde i Huso, Gunhild 1861-95-34 rtA og vart g m Knut Brenno frå Gol, Anne 1864 rtA og vart g m Herbrand Uthallen frå Gol, Margit 1866 g m Trond Snerte. Mekkel fekk garden. G 1883 m Oline Embriksdtr Skar (Skarshaga) 1852-1941. Han var smed som faren, smidde ogso ljå. I motsetning til faren hadde han syn for jorddyrking, og sønene Embrik og Mekkel ikkje mindre. Dei dyrka upp mykje jord. Især må ein nemne det store dyrkingsfeltet uppe på Skardmyro. - I januar 1914 vart alle dei fire heimeverande borna til Mekkel sjuke av ein smittsom lungebetennels. Utpå dagen 30. januar sa den 18-årige Herbrand: «Det vøre gødt å få fløta no!» Ein time etter var det over. I den siste harde dødsstriden låg han og smilte. Dagen etter døydde Guri, straks etter at ho hadde lese Salmeverset: I Jesus søker jeg min fred, all verden har kun smerte. Ho vart 22 år gamal. Onsdag 4. februar døydde faren. Den 11. februar var det likferd etter desse tre. Kona Oline fekk vera frisk og ganske sterk i denne svære og alvorlege tida. Margit Herbrandsdtr Eikre og Barbo Torleivsdtr Glomsrud frå Gol hjelpte til i Huso med sjukdomen sto på. - Borna til [Mekkel](#) og [Oline](#): Anne 1884-1909-25 ugift, rtA, Margit 1885-1939 ugift, Torstein 1887-1957 ugift, rtA, men var heim att ein tur i 1921 og i 1953, dreiv som smed i Montana, Embrik 1888-1933 ugift, bonde i Huso, [Mekkel](#) 1890, smed og bonde i Huso, Guri 1892-1914-22, Herbrand 1896-1914-18. Embrik hadde garden, som han styrde godt til sin tidlege

død, berre 45 år gamal. Han var eit sers godt menneske, real og grei i all si ferd. Han fløtte husa lenger opp og nord, ny bra stugubygning og uthus bygning 1928-30. Hadde god hjelp av broren Mekkel, som var mykje heime. Huso har støl ved Storevatnet (på Bergostølo) .Mekkel kom til å vera på garden og drive den. Etter at mor hans og systera Margit døydde, har han vore mykje attleine. Men han har hatt ei god helse og har vore ein flink arbeidskar. Han selde buskapen for mange år sea, men hadde hest til ut i 70-åra. Han sette opp ei gamal hallingstugu, 200 år gamal, til hytte på stølen, ho vart ombygd i 1970 til ei stor og vakker hytte og blir kalla «Mekkelstugo». Dei siste 15 åra har Mekkel hatt god hjelp av skyldingen sin, *Per Herbrand Rustberggard* frå Gol. Dei har stelt vel med skogen, og heime på garden har dei dyrka opp mykje stein full mark og køyrt burt mange store steinrøyser. Den gamle stugo er ombygt, og Mekkel bur der. Per Herbrand har pussa opp den store stugubygningen, stabburet og uthusbygningen, og fjøset er omgjort til grisehus, so dei driv mykje med gris no (1973). Två av sønene til Per Herbrand, *Mekkel* og *Torbjørn*, har bygsla i 30 år ein del av stølsvollen på Bergastøle og sett opp 10 utleiehytter der.

Nedre Huso

Gnr 51, bnr 2, lnr 551 b.

i nedre Huso eller Geitehuso,

ogso kalla Huseplassen. Nedlagt bruk.

Dei fyrste ein veit med visse budde der, var Nils Jakobson og kone Birgit Sjugurdsdr. Birgit var dotter til Sjugurd Geiteplasse, eit bruk som seinare hørde Lislelin i Søbbøl til. Sjugurd var bror til bonde Arne Søbbøl. Han var litegrand for langfingra. Ein måneljos haustkveld kom Arne og Lars Søbbøl køyrande med kvart sitt ferdalass frå Lærdalsøyra. I bakkane sør for Eikre sag dei ein mann eit lite stykke fyre seg i vegen. Då dei drog innpå han, tukka han seg inn i skuggen av ei gran ved vegkanten. Arne tok burti sekken og sa: «Du har tong bøl, meina e.» «Å nei, ho æ kji tong helde,» svara han Sjugurd. Som dei følgdest åt sørover, stelte Arne seg til og rispa sundt sekken med tolekniven sin, og då datt det ein dau sau ut or sekken. Den sauen hadde Sjugurd stole i Eikre. «A ja, du får kji gjeta, du,» sa han Sjugurd. «Jau, e gjet,» sa han Arne. «Du ha helde på o soptkødn t å bastugohjallo våre om neto, o no ska du få att før det!»

I møkjakokji bak fjøset i Eikre fann dei innvolane etter fleire sauer. Sjugurd vart meld og kom på straff. Der døydde han. (Hans Flaten - som fortel dette - trur at når dei kalla han Geite-Sjugurd, Så kom det av ei liknande historie som denne her. Birgit vart, etter faren, kalla Geite-Birgit, og frå henne kom Så namnat til å bli hangande ved bruket: Geitehuso. Dette torer vera usikkert. Det er meir truleg at både Geiteplassen og Geitehuso hadde heit så før dette tjuvriet vart gjort. Stadnamn med geit i fyrlekken finst fleire stader.) - Nils og Birgit hadde desse borna: Jakob 1828, Ivar 1832, Guri 1834 og Kari 1837. Huslyden må vera komen frå Gol, for Jakob og Ivar er ikkje døypte i Hemsedal. Nils døydde ca 1838, og Birgit vart g 2) m Ola Sveinson nedre Ålrust, som døydde 29 år gamal i 1844. Dei var barnlause. Birgit reiste med dei fire borna sine til Amerika i 1848. Så vart Bård Hansson med kone Ingerid frå Kvame i Borgund eigar av Geitehuso. Dei selde bruket til Arne Eikre og reiste til Amerika i 1857. Sidan sto bruket øyde og kom om nokre år til å høyre søre Eikre til. Bård var svær til å gje akt på vermerkene. Eitt av dei har folk lagt seg på minne: I torever, når tora slær berre ein gong, blir det kaldare. Borna til Bård og Ingerid: Mari g 1857 m Halvor Hagaeigo i Gol, Liv, Hans, Halvor og Bård. - Namnet Bård (utt. Bår) har elles ikkje vore i bruk i Hemsedal, men er vanleg på Vestlandet.

Furuhaugo

Gnr 51, bnr 8, lnr 551 f. i Furuhaugo.

Furuhaugo og nedre Huso støla fyrst på Blomesletto, der nördre Myte (ogso kalla Huso) no har støl. Sea fekk Furuhaugo støl på Heggjerusten. I Furuhaugo budde Gudtorm Høltø 1785-1872-87, son til Torstein Jakobson og Birgit Gudtormsdr. Han vaks opp i Høgehaugji. Vart g ikring 1815 m Ingebjørg Torsteinsdr Knaldre frå Gol. Ho var syster til Per Eikre d 1845. Gudtorm var ein av dei hemse dølene som var med i krigen 1814. Som bonde i Furuhauga vart det heller smått for han. Han «gikk ette rjupo» og brende køl som attåtning. Han «vekja» snarene på Auståse den eine dagen og på Veståse opp for Krøss-stølo den andre dagen. Han og Knut Høgehaugji var dei som dreiv mest med kølbrenning den tid. Dei dreiv med dette seinhaustes og tidleg om våren. Bygde seg barhytter, som dei låg i om natta når dei passa mila. Det *er* enno vister etter kølbrenning mange stader i Eikremørken. Torstein Huso, som var smed, brende mykje køl til eige bruk. Det var lett å selja køl den tid, for dei smidde eit og anna på kvar gard. Dei som åtte furuskog, brende som regel sjølve det dei trengde til husbruk, men alle andre måtte kjøpe. Gudtorm og Knut selde iser til nordbygdingar. - Då Gudtorm vart gamal, kom han på kassa, som det heitte. Fekk «tillegg»: 12 merker mjøl og 3 pottar mjølk frå Gunhild Grøv, 2 setteng eplu (poteter) og 6 pottar mjølk frå Torleiv Skølt, 1 mark smør og 12 pottar mjølk frå

Tore Ålrust, eit halvt bismarpund prim og 4 pottar mjølk frå Herbrand Skølt, 1 mark smør og 12 pottar mjølk frå Ivar Eikre. Dette laut han fara rundt og hente. Av fattigkassa fekk han 3 dalar. «1 a, sadan fikk han plukke sammen føden på sine gamle dagar han som hadde måttet våge livet for fedrelandet» (HF). Borna til Gudtorm og Ingebjørg: Sunnev 1816 g 1847 m Knut Trondson sagabrøta i Gol, Torstein 1820 d, Birgit 1821 g 1845 m Tore Jfjrgensen Lio, Torstein 1822 bonde i Furuhauga rtA, Halvor 1826 bonde i Gol, reiste sea til Amerika, Gudtorm 1828-1903-75 bonde i Eikre og i Meiningen i Valdres, Per 1831-ca 1908-77 bonde i Vedholet i Gol, Torleiv 1824 g 1860 m Agat Olsdtr Jordheimseigo, rtA. Torstein bygsla Furuhaugo. G 1844 m Mari Torleivsdtr Strønden ved Tuv. Laget sto på Strønden, fortalde ho mor, ho var med der (HF). Dei budde på Strønden dei fyrste åra og so i Furuhaugo. Reiste so til Amerika. Dei hadde borna: Ingebjørg d, Ingebjørg 1848, Gudtorm 1850-51-1, Torleiv 1855-56-1, Rangdi 1857, Birgit 1859-60-1, Ola 1860, Birgit 1861. Halvor, bror til Torstein, bygsla so Furuhaugo. G 1862 m Margit Johansdtr Pettersbrøta i Gol. Halvor fløtte kring 1865 til Gol, men reiste sea til Amerika. I Hemsedal hadde dei: Gudtorm 1862 og Johannes 1864. Jorddrotten Ola Olsson søre Eikre hadde bruket sjøl nokre år. Men kring 1868 vart Furuhaugo kjøpt av alsgjeldingsfolka Elling Olson Hølterudningji (av Villan dsslekten) 1832-1919-87 g 1856 m Hælge Knutsdtr Brennehaugji 1835-1919-84. Dei hadde butt mange stader før dei kom åt Furuhaugo, den 17. heimen sin. Her vart dei verande til sin dødsdag. I fem år hadde dei butt på ein støl i Iungsdale i Hol, fleire mil til fjells. Elling likte eventyret, og livet der var eventyrleg. (Sjå meir om dette hjå Reinton: «Folk og fortid i Hol» V s. 698.) i Furuhaugo vart han velstandsmann. Dreiv med rosemaling og treskjerjing. Mala m.a. hjå biskop Bang og på Holmenkollen (sjå Flaten si skildring i «Hallingen» 1917 s. 44-56). Borna til Elling og Hælge: Ingebjørg 1859 g m Eiliv Dammyr frå Mjøndalen, busett i Odalen, Ågot 1860 rtA og vart gift der, fleire born, Ola 1863-1945 bende i Furuhaugo, Margit 1865-1934 g m Eivind Resabakko (desse fire borna kom til før Elling busette seg i Furuhaugo), Knut 1868 g m Margit Bergji i Gol og busette seg der, fleire born, Gro 1871 g 1895 m Ola Rastet frå Eiker, dei rtA, Sigrid 1874 rtA og vart der g m ein frå Rukkedale, Birgit 1877 reiste til Canada og vart der g m Gustav Logen frå Namdalen, dei kom ein tur til Hemsedal for å vera med på jubileet i 1914 og hadde med seg dei 7 borna sine (*Lue, Willy, Olav, Henrik, Karl, Melvin* og *Atlanta Karoline Semine*, som kom til på Atlanterhavet), Kari 1879-87-8d av blodforgiftning. Ola overtok gardsstyringa i 1900. G sama året m Guri Sjugurdsdtr Liohaugji 1865-1953 frå Gol. Ola var ein flink arbeidskar. Attåt gardsbruket dreiv han med maling, snikring og skomakararbeid. Ved eit jordskifte 1922 fekk han rett til å gjerde inn og dyrke upp nokre myrar i skogen nord upp for garden. Han var ein uvanleg benkasam og snill mann, god både mot dyr og menneske. Selde 1917 eit stykke av stølsvollen på Heggjerusten til Arthur Stephan i Drammen, som bygde seg hytte der, seinare overteken av Robert Stephan. Sonen Arthur bygde seg so ny hytte der i 1970. Ola bygde ogso hytte åt seg sjøl på stølen sin. Borna til Ola og Guri: Elling 1901, Syver 1903, Helga 1906 g m Ola Nybråten i Rukkedale, og Barbo 1909 g m Sigurd Borge, Bingen, øvre Eiker (dei kjøpte ei stugu på Grøteteigji, som dei sette upp att som hytte på Heggjirusten 1965). Sigurd vart rivi n burt ved ei mineringsulykke då han heldt på med grøfting. Born: Karl Olav 1945, Gunnar 1948-70(Trulova med Anni Berget Garnås f 1951, dtr Gunn Anni) Elling tok over garden 1938, g 1939 m Kari H. Dalo f 1913. I 1946 overlet han garden til Syver bror sin og budde so i ei stugu på nordre Jorde i Eikre til dei kjøpte grunn og bygde sin nye heim der (sjå Fjellstad). Syver vart g 1946 m Ingebjørg H. Dalo 1926. Attåt gardsarbeidet har han drivi som malar. Born: Ole Edin 1947 arbeider ved øyo fabrikkar på Geilo, Harald Arvid 1949 bygningssnikker g 1970 m Annie Syversrudengen i Rukkedale 1951 og dei bur der (born: *Geir* 1971, *Marianne* 1972), Gullbjørg 1951 g 1971 m Tor Johan Syversrudengen i Rukkedale 1946 (har ei gjente: *Rita* 1972).

Plassen Nedlagt bruk.

Mellom Huso og søre Eikre var det eit lite bruk dei kalla Plassen. Det hørde søre Eikre til. Det budde folk der, men ein kjenner ikkje til kven det var. Mekkel Huso kjøpte bruket av Tore Eikre ca 1896 og gjerde det inn samen med sitt eige jorde. Kløvjavegen til Eikrestølane gikk då norda Plassen og svinga sørover. Men Mekkel tok og la kløvjavegen sunna Plassen. - Det bruket dei kalla Huseplassen, var venteleg ikkje denne plassen, men nedre Huso eller Geitehuso, dette veit ein likevel ikkje for visst.

Gjerde

Gnr 51, bnr 11, lnr 552 d.

f Gjærde (med tjukk l). Noverande eigar skriv seg Gjærde.

Bruket er kome undå søre Jorde. Her budde Bjørn Olson Bubakka f 1826, g 1854 m Kari Torleivsdtr Hødn. Dei hadde borna: Rangdi 1855, Ola 1856, Ingvar 1858, Rangdi 1859. Huslyden rtA 1861. Ein av sønene vart kunstmalar. Etter dei budde Nils Embrikson Høvdæe (på Torsetsida) 1849-1917-68 i Gjerde, g 1873 m Anne Knutsdtr nordre Torset 1845-1918-68. Dei kjøpte Gjerde, som no vart

sjølveigargard. Barnlause. RtA 1880. Kom heim att, bygde seg ein heim på Torset, men rtA att. Kom heim att andre gongen og budde ei tid i huso sine, men reiste so til A endå ein gong. I juni 1917 heldt dei på og pakka kuffertane sine for å dra til Hemsedal på ny, men so vart Nils sjuk av blodforgiftning og døydde. Anne kom heim til husværet sitt på Torset, men døydde året etter. Nils selde Gjerde i 1880 til Aslak Aslakson Malarbrøta 1856-1932, g 1883 m Kari Høvdæ 1846-1941, syster til Nils. Flinke, forsiktige arbeidsfolk, som kom seg godt fram økonomisk. La serleg vinn på onnearbeidet, slo gras og rispa lauv i kvar ein krok. Dei var barnlause, men tok til seg systerson til Aslak, Ingvar Olson Kven f 1888. - Før Aslak kjøpte Gjerde, var han nokre somrar slåttekar i Rundtupp. Ein dag sist på sommaren var han og han far (Knut Rundtupp, som då var liten smågut) upp i åsen og plukka briskebær. Utpå dagen bles det upp med slik vind at dei fann det rådlaust å koma ned i bygda, men drog i staden undå den stride vinden og kom seg på stølen (Nøreli). Det var so stri vind den dagen, fortalde ho gommo (Ragnhild Rundtupp) at vassgovet frå Storevatnet slo upp på glasrutene i Bubakka (OR). Ingvar overtok Gjerde, g 1915 m Ågot Herbrandsdtr Skaga 1889-1974 frå Gol. Ingvar var ein sterk kar som har nytta kreftene sine vel. Flink jordbrukar. Kommunal skjøns- og domsmann. Har vølt om eller bygd pånyo mest alle hus på garden, stølen og slåtta ved Heimsil. Har dyrka upp mykje av egedomen og ei myr nedanfor garden, Plassemyre. Frå gamal tid hadde Gjerde ei slåtte ned ved Heimsil som dei kalla Raudstein-strendatn. I 1913 vart det gjord freistnad på nydyrking der, som gav godt resultat. Men andre åtte skogen der. Ingvar kravde skogen utløyst og betal de kr. 310 for den. Skogeigarane var Hemsedal kommune og Nils H. Eikre. Slåtta vart tilkjent grunnretten. Då denne saka var ordna, kunne nydyrkinga halde fram. Men dei måtte fyrst ha hus å bu i, hestestall og forlåve. Då Ingvar i 1949 overlet slåtta til sonen Aslak, var det dyrka upp 6 mål jord og teke mange hundre meter grøft. Ved skylddeling i 1952 fekk denne egedomen namnet *Bergheim*. Borna til Ingvar og Agot: Aslak 1918, g 1941 m Kari Halvorsdtr Hatten f 1913 frå Gol. Barnlause. Har nybyggjarheimen Bergheim 51-43. (Sjå der.) Herbrand 1919 har garden, Ola 1923 har frå 1945 hatt arbeid i Oslo og bur der, Karl 1926, g 1956 m Bergljot Knutsdtr Venås f 1929. Har arbeidd for A/S Ingeniørbygg, Oslo. Vart so vaktmeister ved Kommune- og samfunnshuset og kjøpte seg hus ved Trøym (sjå Frydenlund 67-56). Herbrand fekk farsgarden 1952, g sama året m Birgit i Flaten f 1927. Har gått landbruksskule og er ein interessert bonde. Held fram med jorddyrking både heime og på stølen (på øvre Eikrestølane). Bygde nye uthus (mest for sau) 1968. Borna: Ågot i 1953 har gått Hallingdal Gymnas og var eit år lærarinne i Flåm, Ingvar 1956 har og gått på Hallingdal Gymnas, Bjarne 1960, Ingrid 1962.

Søre Jorde

Gnr 51, bnr 9, lnr 552 a. På søre Jorde (med tjukk l). Skriveform: Eikre.

I 1815 vart Sygarden i Eikre delt i två, og den nybygde garden vart vanlegvis kalla Jorde. Fyrste eigaren her var Ola Olson, Vesle-Eikren dei kalla, g ca 1815 m Guri Nilsdtr Ro frå Gol. Om ei tid selde han garden til Jon Torset, drog så i lag med ein goling til Nordland (Hitterøya vart det sagt). Det gikk det rykte at der nord kunne folk «eta fisk o rummegraut te kor dag». Galingen ørventes av den lange reisa og drog heim att. Når han fortalde om denne turen, brukte han å si at Eikren va så langt nord at han stakk staven sin nord i finnmarksmørket. Vesle-Eikren kom til slutt heim att han med. Det var ikkje så bra der uppe som gjetordet gikk. Måtte betale Jon 50 dalar for å få att garden. Vesle-Eikren hadde syn og sans for fin og nøyaktig bygningsmåte. Husa frå hans tid bar vitne om det. Sjølv var han både timremann og snikker. Då han var 55 år gamal, reiste han og kona hans til Amerika. Borna: Ola 1817-54-37 bonde på, søre Jorde, Nils 1821-1901-80 bonde i Lykkjehaga, Ola 1830 rtA, Barbo 1834 rtA 1848. Ola d.e. fekk garden, g 1844 m Barbo Endresdtr Eiklid frå Gol. Han vart sjuk og døydde ein haust etter at han hadde vore på Lærdalsøyra etter lass. Borna: Ola 1845-1907-62 hadde garden ei ti, men rtA 1888, Guri 1847-1921-74 g m Hans Grøto, søndre 1850 rtA, g 1878 m Kari O. Eikre, Astrid 1852 rtA, g 1880 m Knut Lio frå Gol (hadde før sonen *Knut Embrikson*), Aune 1855rtA, g 1880 m ein enkjemann frå Køso i Gol. Som enke vart Barbo g 2) 1858 m Gudtorm Furuhaugo 1828-1903-75. Torleiv Furuhaugo tente hjå henne med tanke på å bli gift med henne. God arbeidskar var han og la seg sterkt i selen under arbeidet. Braut upp ein steinfull teig på jordet og mura upp svære røyser. Slo slåtta ned på Strendo på 5 dagar (i kr. 40 mål). Begynte mandags morgonen, og fredags kvelden kom han og onnegjenta uppatt, er det sagt. Men broren Gudtorm, som tok livet lettare, han fekk enkja. I 1874 selde dei livøret sitt og fløtte til Meiningen i Valdres. Borna: Gudtorm 1859 bonde i Meiningen, g m Margit Jodøkk, Oline 1861, Ingebjørg 1863. Ola Olson fekk garden, g 1870 m Guri Halvorsdtr Eikro frå Gol. Han arbeidde mykje på jorda, braut upp store stykke, grov veiter, sette steingard. Ogso på stølen grov han eit par hundre meter veiter. I spekulasjonstida 1872-74 var han uheldig i hestehandel og kom i økonomiske vanskar. Han hadde anfall av sinnssjukdom iblant og var vanskeleg å-omgåast. Kona hans var klok og forsiktig og gjorde alt ho kunne for å hjelpe han til rettes. samlivet vart ei prøve i talsemnd. «I kjærlighet og tålmod bar hun alt og ofret alt. Ofret så meget på tålmodets alter som kun få i bygden har gjort. Det er ikke småtteri den ene ektefelle i ein slik heim må ofre av

tålmod og bruke klok taktikk for å balansere husfreden. Det er av mange bragt store og daglige offer. Ukjent kanskje for verden. Daglig offer blir en stor sum i et langt samliv. Hvert offer er en heltegierning. Det er en heltegierning å overvinne seg selv. Guri Halvorsdtr ofret meget. Det skal siges til hennes minne og ære» (HF). I 1888 måtte dei selja garden og reise til Amerika. Der kjøpte dei farm ved Walcott i Nord Dakota. Guri døydde i barnseng etter at det niande barnet var kome til verda. Etter som borna vaks til, reiste dei frå faren. Til slutt vart han aleine. Ein vinterdag i 1910 fann dei den einslege mannen død i senga si. Dei trudde han døydde av å ha brukt for mykje sterk medisin. Borna til Ola og Guri: Ola 1870, Barbo 1873, Gudtorm 1874, Halvor 1875, Ola d.y. 1879, Per 1882, Endre 1884, Kolbjørn 1887. - Då huslyden i september 1887 sat på heim stølen til Jorde, gikk Per seg vill. Han var då fem år gamal. Foreldra og syskena leitte etter han til det lei mot kvelden, då laut dei gje det opp. Folk i grenda vart bodsende og var med og leitte. Utpå natta fann Ola A. Eikre guten sovande i bua til Per Årrust på Nystøle, omlag 3 km frå heimstølen til Jorde. Han tok guten med seg til foreldra. Mora kjende på bringa hans og Sa: Jau, han æ no varm enno! «Når kom du te Nystøle?» spurde dei. «E kom dit med sole skein, e,» svara guten. «Så et e ein primmøle e hadde i lommun, les Fadervåret o la me te søva.»

Lærer Hans Flaten 1858-1930-72 frå Lio i Nordbygden kjøpte søre Jorde i 1888 for kr. 10 000. G 1887 m Birgit Ingvarsdtr Båste f 27. desember 1865, d 29. september 1940. Vølte eller bygde pånyo mest alle hus på garden og braut opp fleire maljord til grasmark. Han døydde av lunge betennels etter ein mageoperasjon på sjukehus i Oslo. Han bad om å bli gravlagd i ein utkant av kyrkjegarden og at kona Birgit måtte bli jorda i grava ved sida. Han vilde at Helge Pålhus skulde vera «kjømeister» i likferda. (Endå var det ikkje kome i bruk at soknepresten reiste frå Gol og gjorde prestenest ved gravferder i Hemsedal.) Borna til Hans og Birgit: [Olav](#) 1888-1918-30 tenestmann ved jarnvegen i Drammen, Margit 1889-1964 g 1921 m Johannes Bjella i Ål (stasjonstenestmann ved jarnvegen i Ål, Drammen og Oslo, born: *Leif Harald* 1922, statsautorisert revisor, seinare i Vassdragsstellet, og *Olav* 1924, telegrafist ved jarnvegen, baa i Oslo), Anne 1893 g 1917 m Eirik O. Årrust, Ingvar 1892 d, [Gunhild](#) 1896, g 1918 m [Andres Viljugrein](#) i Gol (bonde på farsgarden, d 1963, born: *Ambjørg* 1918, *Sjugurd* 1920, *Birgit* 1923, *Margit* 1928, *Aslaug* 1939), Ingvar 1899 fekk garden, Torleiv 1902, g 1939 m Hilda Hultmann frå Ski f 1907 (gardsstyrar på Ski nokre år, sidan bygningssnikker i Oslo, born: *Birgit Helene* 1940, *Kjellaug* 1946), Barbo 1908 g 1938 m Ola Øynelien i Gol, f 1908 (han selde Øynelie og tok til med bilkøyring, hadde fyrst lastebil, vart så fast køyrar av sjuke bilen i Gol ein del år samstundes som han ved sida av arbeidde ved Gol Bygg der han no er ekspeditor. Dei har eige hus i Gol. Barnlause). - *Olav* vart g 1913 m *Liv*, dotter av Torleiv og Kari Glomsrud i Gol (Kari var frå øvre Tuv i Hemsedal). Olav og Liv fløtte til Drammen 1913, der han var tenestmann ved jarnvegsstasjonen til sin tidlege død. Born: *Hans* 1914, *Torleiv* 1916, *Birgit* 1918. (Jfr. Flaten 69-8 i Lio.) - Ei søgn frå søre i orde: I ei steinrøys (burtkøyrd 1922) uppe i åkeren tett nord for Bergobrune hørde folk spøkri om natta. Det var eit barn som gret. Då skulemeister Steingrim Torset (d 1872) ei natt reiste forbi etter vegen nedafor der, hørde han barnet gret. Han forsto at barnet var nedgrave der, var døytt utan å få dåp, og difor hadde det ikkje fått fred. Han gikk uppåt røysen, forretta ein slags heimedåp og sa: Barnet skal kallast etter skaparen sin. Er det gut, skal det heite Gudbrand, er det gjente, skal ho heite Guri. Sea hørde dei ikkje noko spøkri der. (Slike segner og denne trua er kjend mange stader. Dåps-orda har dei til og med sett på rim: Eg døyper deg på ei von Gudrid eller Jon! O.R.) Ingvar vart ved garden, g 1926 m Birgit T Øndredal f 1898. Han har dyrka opp nokre mål jord og køyrt burt steinrøyser, så det no kan brukast maskiner på ein storpart av egedomen, likeeins på slåtta ved Heimsil, som garden alltid har hatt. Støl på nedre Eikrestølo. Heimstøl i Eikrehaugo. Denne stølen låg mellom den gamle kløvjavegen og køyrevegen til Eikrestølo, nordaust frå øvre Husetræet. Heimstølen har ikkje vore i bruk i dette hundreåret anna enn til slåttemark og beite, og er no nedlagd. I 1967 vart han seld til Huso, som hadde skogen der. I tidsromet 1932-49 bygde Ingvar nye uthus, og nytt bustadhus i 1954. Hytte på stølen 1936 og heime på garden 1966, baa til utleige. I 1957 selde han ei tomt «Klanten» heime på garden til broren Torleiv som bygde seg hytte der. Borna til Ingvar og Birgit: Birgit 1927, har gått folkehøgskule, g 1952 m Herbrand Gjerde, Anna 1929-61, var sjukleg, Hans 1930, yrkesskule og landbruksskule, no kontrollør ved Hemsedal meieri, g 1958 m Ingebjørg Olsdtr Jordheim f 1924 (born: *Idar* 1959, *Mai-Britt* 1961, *Lars Ove* 1964), dei bur på Solvang ved Jordheim, Trygve 1932 har garden, [Olav](#) 1938, folkehøgskule, tilsett ved Defa fabrikkar, Nesbyen. - Ingvar kjøpte eit gammalt stabbur på Torpo og sette upp att heime hjå seg. Trygve overtok garden 1973.

Medgarden

Gnr 51, bnr 14, inr 554.

I Meggarde. Skriv seg Eikre.

Det er ikkje heilt visst om Ola Herbrandson og Olaug Anfinsdtr budde i Medgarde eller i nordre Eikre.

Vil helst tru dei budde i nordre Eikre (skreiv HF). Men sikkert er det at etterkomarane deira kom til å bu i Medgarde og gjer det den dag i dag. Det er soleis mange ættleder av same ætta som har siti på denne garden. Det var skifte etter Olaug 10. juni 1717 ved skrivar Jordstad, bygdelsmann Jon Hallbjørgshus og vurderingsmennane Torleiv Knutson Viljugrein og Trond Halvorson Grøto. Det var registrert m.a. ein blakk hest, 15 storfe, 5 gardekalvar a 1 riksdalar, 25 vaksne sauer, 10 ungsauer, 6 lamb. Dessutan hadde Olaug mange pengar til gode: Hjøå Tomas Hustad 10 rdl, Helge Hustad 10, Ola Storla i Gol 32, Arne Gølberg 20, Ola Knutson Rugnus i Aurdal 14, Ola Olson Rugnus 10, Gudtorm Toreson Rugnus 50, Torstein Eikre 15 og pantepengar i ei slätte der 20. Nettosum å dele i alt 515 rdl. Borna til Ola og Olaug: Tore bonde i Medgarde, Guri g m Ola Storlirud i Torpo, Anne g m Ivar Høltegard i Gol, Birgit 1697, Ola 1701, Margit 1703, Barbo 1709 Tore vart ved Medgarden, g m Birgit (elJer Berte) Endresdtr. Tore døydde i ung alder 1716. Ved skiftet etter han den 21. september var det melJom anna tre kyr: Salkøll, Lykkeros og Dyrføg. Buett hadde til gode 12 rdl hjå Per i øvre Ålrust og hjå Torstein nedre Ålrust 14, Ola P. Ålrust 12, Biørn H. Jordheim 7, Ola Glomsrud 20, Ivar Høltegard 2, Henrik Klepp 2, Ola Herbrandson Eikre 7. I alt til deling 78 rdl og 10 skilling. Enkja fær 39/5, sonen F,mbrik 26/3 og dottera Sissel 13 rdl. Embrik var två og eit halvt år då faren cpydde, og Sissel fire og eit halvt. Ho vart i 1735 g m Gudtorm Torsteinson Eikrehaga. Embrik 1713-72-59 fekk garden, g m Guri Arnegard frå Gol d 1792, oppgjeven alder 72 år. Ved skiftet etter Embrik var desse med: lensmann i Gol Ivar Lislå, Jacob Gølberg, Nils Olson Brunsvall. For enkja møtte Mekkel Arnegard, bror hennar. For borna møtte Ivar Lislå. Enkja Guri Mekkelstr «erkjendte at være skyldig den unge Karl Engebret Aadsen Kirkebøen 98 Rigsdaler. Denne «unge Karlen»budde i Eikre ikr.1763. Borna til Embrik og Guri: Barbo 1 48, Birgit 1752, Olaug 1755 g 1787 m Toleiv Jonson Vøllø, Guri 1758 g 1793 m Nils Mekkelson Huso, Anne 1762, Tore 1766-1820-54 bonde i Medgarde, Kari 1770. Tore vart g ca 1792 m ei Kari Ivarsdtr. Dei hadde borna: Ivar 1793-1875-82 bonde i Medgarde, Embrik 1796-1801-5, Ola 1798 bonde i nordre Lykkjehaga, Embrik 1803. - . Tore må ha vore ein mann det sto respekt av. Ein tange på Medgardsstrønden heiter den dag i dag Toretangin og kilen innafør Toretangkilen, og ein skogodde som stikk ut i Gammen, blir kalla Toreødden. Det var der Knut Skolt for ein del år sea fann ein sokalla stokkebåt - uthola av ein trefurustokk - berre so vidt synlig i mørebotnen innved landet (OR). Sonen Ivar fekk garden, g 1817 m Olaug Andresdtr Vøllø 1787-1855-68: Kari 1819-1905-88 fekk garden som odelsjente, Barbo 1823 d, Barbo 1823 g m Tor Jeglheim i Gol. - Olaug la seg mykje i styr og stell på garden, so Ivar kom til å stå noko utanfor. Ho selde den gilde timreshogen garden åtte, til Knut Kyrkjebøn (d 1864) med atterhald om skog til eige bruk på garden. Skogen gikk i handel ei tid og er no ein lut av kommuneskogen. (Kommunen eig no - 1923 - kr. 19 000 som nettokapital av skogene sine. HF.) Olaug tok pengane for skogen og kjøpte strandslåtta Stakkestøe av nedre Ålrust for dei. Etterkomarane hennar har neppe takka henne for denne bytehandelen. Dei andre Eikregardane (bnr 1, 2 og 9) selde ogso timreskogane sine på same tid med atterhald om det dei trong til gardsbruket. Denne retten vart i 1901 utløyst med serskilde skogstykke. Ein sommar Olaug sat på Nørdrestøle på Eikrestølo, kom det ein bjørn ei natt og tok tak i ei kyr. Bølingen låg ute på vollen om netane før i tida, dei hadde ikkje fjøs då. Dei vakna av livet, og Olaug gikk ut for å jaga bjørnen. Dottera Kari, som no var gift og gikk med barn, kom ut i døra. «Du må kji koma ut,» sa Olaug (ho tenkte nok på den gamle trua at bjørnen er ute etter kvinner som går med barn). Kari tende løgu i ei never og lyste ut. Der sto Olaug på den eine sida av kyra og bjørnen på hi, medan ho huga og skreik for å skreme han. Det enda med at bjørnen vart skremd av skriket (og elden) og tok hyven. Kari fekk garden og vart i 1837 g m Lars Rasmusson Uppheim frå Tørpo. Dei fekk borna: Ivar 1838-ca 1913-75 bonde på Uppheim i Tørpo, Rasmus 1839-41-2, Rasmus 1842-1915-73 bonde i Medgarde, Margit 1844-1912-68 g m Per Markegølo. Kari vart g 2) 1847 m Arne Olson Hødnungset frå Gol. Arne var då skyss gut på løstegard og skyssa til Eikre, der det då var skysstasjon. Han kom straks til å spørja Kari. Ho svara nei, men drog so mykje på det at han fekk von. Neste gong han skyssa dit, spurde han på nytt og fekk ja. Arne var ein overmåte pratug mann. Pratet gikk ustansleg. Men han var ein skjønnsam og god greie tråd både for sine egne og for grenda. Hadde ingen unnsels korkje for låg enn høg. Då kong Oscar II opna Vikersund-Krøderbanen 28. november 1872 var Arne til Krøderen og prata med han. Så m.a. at han og kjerin budde uppe i ei skørr i fjellbygden. Kongen sende med han ein sigar til kona. Ein Meidell på Nes så seinare til Arne at han burde ikkje ha snakka til kongen. Arne svara: «Han va uvandar svalle ved, kongin, enn Meidellatn på Nes!» - I 1864 fløtte Arne og huslyden hans til garden Åsen i Nes. Der var han medlem av heradsstyret den tid det var på tale å løyve pengar til jarnvegen Vikersund-Krøderen. På eit sams møte om saka i Gol møtte heradsstyre medlemene frå alle Hallingdalsbygdene. Det lei på kvelden då nesningane køyrde nedover att. Arne Åsen - på Nes kalla dei han støtt Ås-mann - køyrde fyre. Ein i følgjet kom til å seie at dei vel kom til å bli mulkert når dei køyrde utan dombjølle so seint. Ein annan svara: «Me ture kji ha dombjølle no nå me ha Ås-mann fyry!» Den tid veto-striden sto som hardast, var han sterkt politisk interessert. Var av dei som meinte at kongen ikkje burde ha absolutt veto. Om valmanna valet i Nes i 1882 sa han: «Me hadde ein Knut øvst

i Nes (Knut Evjen på Rud) o ein Knut yttast i Flø (Knut Sønsteby), o når me hadde ein knut i kor ende, meinte me det rann kji or.» Dei var av sama politiske farge som Arne, og valet var etter deira ynske. «Men då e såg at han Per Markegølo hadde skrivi unde «Opraabet til Christen dommens Vennen, då gret e,» sa Arne.

Endå Arne var ein edrueleg mann, måtte han lova kona si at når dei fløtte til Nes, skulde han ikkje gå på brennevinsbuene der. Det både lova og heldt han. Han var glad i husleg hygge og eit menneske med godt hjartelag. Ein varm sommardag Arne arbeidde ute i hagen på Åsen - han var kårman då - kom han inn att og la seg på senga. Hadde eit lommeplagg i handa. Rett som det var, dala handa sakte ned - slik kom slutten. Borna til Arne og Kari: Olaug 1848 g m Svein Ålrust, budde i Ålrust og på Åse, Kristine 1850 g til Li i Nes, Ola 1853-1925, lærar i Lier, Lars 1857 rtA, Tore 1861 meierist. - Lærar Ola Åsen slutta i skulen 28. november 1923 på sin 70-årsdag etter 50 år i skulen si tenest, derav 47 år ved Egge skule i Lier. Var uteksaminert frå Asker seminar 1874. Lærar i Nes ein vinter, deretter tilsett i Brunlanes og kom so i 1877 til Egge. Då han slutta, fekk han gullur med kje og ein sylvbolle med blomar. Var i tre år formann i Buskerud krinsstyre for DNT og i 10 år formann for folkeakademiet. Etter avskil med skulen fløtte han med huslyden sin til øvre Eiker. Rasmus, son til Lars og Kari, fekk Medgarden då Arne fløtte til Nes. Han vart g m Guro Larsdtr Markegølo 1845-1921-76. mykje nytta som kommunemann. Karaktersterk. Som stasjonshaldar skyssa han ein gong general Wergeland (d 1893). Denne hadde for skikk å køyre urimeleg fort. I Gravsetdale nord for nørdrø Skølt sprang Rasmus fram, tok tyglane og sa at han ikkje måtte køyre so fort. «I Gudbrandsdalen kjørte jeg en mil på en time,» sa W. «E kan ikkje fara ikring i bygdo o sjå ette ko mange hesta som liggji att daue ette de,» svara han Rasmus. Og W. gav seg. Borna til Rasmus og Guro: Kari 1865-1940 g 1884 m Hans Lien, Lars 1866-1958 bonde i Medgarde, Kirsti 1869-1948 g m Endre Lykkja, dei budde i Drammen, Lars 1871-1940 lærar i Løkji og Torset skulekrinsar (sjå Intelhus), Margit 1873-1899-26 g m Ola O. Ålrust, Olaug 1875-88-13 d av tuberkulose, Ivar 1876-1943 rtA, g m Margit S. Ål rust d.y., Ola 1878-1942, cand. real., lektor i Oslo, g 1923 m Johanne Høgh frå Langesund, Margit 1880-81-1, Arne 1882-1922-40 rtA, Per 1884 rtA, Rasmus 1887 rtA, Margit 1890 g m Kolbjørn Harding, rtA, Kari 1892-1976 g 1911 m Ola S. Ålrust. - Margit d.e. vart g m fehandlar Ola O. Ålrust. Dei budde ei tid som tilhaldarfolk i Medgarde. Då Margit døydde, fløtte Ola til Grøterud (sjå der). Borna til Margit og Ola: Margit 1895 g 1922 m Ola Olson søre Grøndal, han er seljar og bur i Hokksund, Ola 1896, reiste som ganske ung over til Amerika, der han straks etter døydde. Lars fekk garden, som han hadde til 1950. G 1899 m Margit Herbrandsdtr Grøto 1879-1956. Lars var ein dugande bonde, handelskar og «heimedyrlækjar. Kommunemann. Roleg og omtenkt og med råkande replikkar. Ein vinter han var i Valdres på handel - han gikk på ski - kom det i mote med han ein sinna hund. Lars slo hunden i hel med skistaven. Dei som åtte hunden, kom og brukte seg. Lars berre svara: «Æ det fleire som vilja smaka staven min?» Ferdig med det! - Eit av dei siste åra han levde, vart han køyrt med bil til doktoren i Gol. Grannen hans var med. Då sa Lars: «No vøre det ingjin som vilde gå frå Gol te Hemsedal, o før so gonge me frå Gølsvik (Gulsvik) o upp att (te Hemsedal), o det gikk godt an!» Handelskarar og lassekøyrarar gjorde ofte den turen før jarnvegen kom, det var over 8 mils veg i gamal tid. Lars var på fleire vis ein fyregangsmann. Var vistnok den fyrste som tok til med nydyrking på strendene ved Heimsil (sjå meir om dette i «Hemsedal 1814-1914», side 26/36). Bygde hytte til burtleige på stølen. Borna til Lars og Margit: Guro 1900, g 1921 m Ola Endresen Aalrust, Rasmus 1903, landbruksskule, g m Kaspara Engebretsen frå Halden f 1911, forskalingssnikker, busett i Halden, Birgit 1905, heimeverande, Margit 1908-61, g 1937 n: Steinar Granheim i Gol 1901-73, han åtte halve Granheimgarden og dreiv pensjonatet, omkom ved ei bilulykke (born: *Ola Steingrim* 1939 og *Berit* 1942), Herbrand 1910, yrkesskule, Olga 1913, g 1945 m Knut K. Markegård. Rasmus, som var odelsguten, fekk av fNeldra sine i 1949 den gamle Nørdrestøln på Eikrestølo, likeso Toretangslåtta ved Heimsil og ein skogteig, Venebakskogen. På denne Nørdrestølen var det Olaug, oldemor hans, jaga bjørnen ei natt (ikr. 1837). I 1967 selde Rasmus stølen til i. H. Tveten frå alnabru ved Oslo, som har bygt seg hytte der. (Morsyster til Tveten, dr. Agat Wendt, har hatt hytte på nedre Gjerdesstøle frå 1940. Sjå meir om dette under Bergheim 51-43.) Herbrand tok over garden i 1950. Han - og far hans - har dyrka upp ein god del på garden og endå meir ned på Strendo ved Heimsil. I 1961 bygde han om den gamle hallingstugo til moderne bustadhus.

Målarbrøten

i Målarbrøta. Upphav leg: Eikreeigo. Nedlagt bygselbruk.

Målarbrøten var bygsel bruk under Medgarde, no nedlagt øydebruk. Låg ovafor Medgardseigedomen. I 1834 er det nemnt at ein Tore Persson *Eikreeigo* og kone Barbo Olsdtr hadde fått ein son Tore. Dei hadde og ein son som heitte Per, Per vart døypt sama dagen som foreldra gifta seg 11-11-1832. I kyrkjeboka står Golberg som Tores føde og oppholdssted, så truleg var dette paret frå Gol (Bottolv Baklien) og som folk kalla Malar-Per, han rtA. Truleg var det faren, Tore, som var malar, og at bruket so vart kalla Malarbrøten i staden for Eikreeigo. Barbo kalla dei Malar-Tufsa. Som

gamal gikk ho omkring og bad seg. Ho hadde støtt med seg ein bunt vierkvistar og granne tæger, som ho batt fine korger av. Ho var elles flink til å saume(rosesaum). Men ho iddest ikkje bøte sine egne klede, så ho gikk nokso fillut endå

han var ein god handverkar. Ho gikk på legd det siste og døydde i Myte 1867. Huslyden var truleg innfløtte frå ei anna bygd.

- I 1842 bur ektemakane Embrik Halvorson og Margit Torleivsdtr ei tid i Malarbrøta. Dei rtA i 1845. Embrik var fråTrillhus i Ål. Born: Torleiv, Barbo, Halvor 1842. Etter dei kom Aslak Olson Raubakka frå Gol til Målarbrøta, d 1901, oppgjeven alder 81 år. Aslak vart g 1) m Birgit Olsdtr Bubakka 1819-66-47. Dei sat i småe kår. Aslak var ein iherdig arbeidar (sjå «Hemsedal», s.66-76). Især nytta han onnetid a vel. Faren sitt anlegg for arbeid og omtanke gikk i arv til borna, ein god arv å ta med seg på livsvegen. Grannane Torstein Huso og Aslak Målarbrøta var i sanning av dei som «åt sitt brød i sitt ansikts sved» (HF). Borna til Aslak og Birgit: Ola 1845-1919-74 bonde i Høgehaugji, Ola d.y. 1847 1927 bonde på nørdrre Jorde i Eikre, Olaug f 1850 rtA, g m Jon Flatdale frå Nes, Aslak 1853 bonde i Gjerde, Rangdi 18561926, g 1883 m Ola Ingvarson Kven, Ingvar 1860-1917-57, ugift, rtA, Ragnhild 1863-1952 g m Halvor Halvorson Lien i Sørbøl. - Om den Jon Flatdale (Flaten stier at han var frå Gol, men Flatdalen, utt. Fladale, hørde visstnok Nes til) at han kom til Amerika på ein tærig måte. Han var kring 11 år gamal og hadde ikkje noko å koste reisa med. Han drog til Kristiania, lurde seg inn på amerikaskipet og gøynde seg der. Kom ikkje fram før skipet var ute i Nordsjøen. I Liverpool gikk han ombord i det skipet som skulde gå vidare til A. Kapteinen vilde ikkje ta han med. Guten gret. Kapteinen sa då at dersom dei andre norske vilde gje han mat under reisa, so skulde han få bli med. Soleis kom Jon til A. Der vart han farmar (d 1919). - Birgit Malarbrøta døydde brått på Nedrestøle i 1866. Ho hadde då Vore skral ei tid. - Aslak vart g 2) m enkje Sigrd Olsdtr Dalo. Ho døydde som-maren 1898, og tre år etter døydde Aslak. Sidan den tid sto bruket øyde. Det er no i nyare tid inngjerdt til hamnefelt.

Nørdrre Eikre

Gnr 51, bnr 17, lnr 556 c.

i Nordigarde. Skriv seg Eikre.

Om ekteparet Ola og Olaug (sjå Medgarden) budde her eller i Medgarden er uvisst. Men sikkert er det i alle fall at ein Ola Olson budde her, g 1) m Anne, dotter av lensmann Ola Olson Markegølo og kone Kari Olsdtr. I skiftet etter Anne er det m.a. upp rekna 1 Miillers huspostil, 1 kyrkjebok, 3 hjulrokkar, 1 karmannssal, 1 raud hest verdsett til 8 rdl, 1 raud hest til 7 rdl, 15 kyr, 5 kviger, 1 fjorkalv, 2 gardekalvar, 10 geiter, 11 vaksne sauer, 12 ungsauer, 3 lamb, 7 geitebukkar. Borna til Ola og Anne: Olaug 1722 g m Nils Frøysåk i Gol, Anne 1724 g m Tore Øysteinson Gølberg i Gol, Ola 1726 d ung, Birgit 1728 g m Halvor Olson Uppheim, Ola 1730 (d 1780), Tore 1734 d ung, Toræ 1735 g m Per Tomasson Uppheim, Ola 1737, Tore 1739, Guri 1742 d ung. - Ola vart g 2) m Eli Halvorsdtr. (Ho er fødd i Boyesentida 1713-23 då Anders Boyesen var kapellan. Han førde serskiId ministerialbok for Gol og Hemsedal, men denne boka er burtkomen. Ein del av huslydane i denne tida er nemnde i skifteprotokollane.) Ola og Eli døydde straks etter kvarandre i 1763. Det var skifte etter dei i 1764. Der møtte Ola Blakkestad som vjerje for dei umyndige borna (han var morbror deira), og elles lensmann Asle Torset, Per Ålrust og Torleiv Ålstveit. I buet var detm.a. 1 kaparkjel, halvlut i ein brennevinskjel verdsett til 3 rdl, 11 kyr, 3 kvigjind, 2 kalvar, 13 geiter, 18 sauer, 1 hest til 13 rdl, 1 fiskevad (not) 3 rdl, 8 fiskenet. Lausøre for i alt 185 rdl. Borna til Ola og Eli: Anne 1744 d ung, Anne 1747 g 1767 m Lars Torleivson Rundtupp, Gunhild 1749, Ola 1755. - Ved skiftet i 1764 vart ein og ein kvart løbel av garden utlagd til sonen Tore av fyrste ekteskap for hans arv i buet. Det har ikkje vore råd å finne ut om nokon av ætta kom til å bu på garden. Ei tid etter kom Torstein Torleivson Uppsata til nørdrre Eikre. Torstein (d 1802 ikr. 48 år gamal) var g m Anne Eivindsdtr (d 1846 ikr. 91 år gamal). Uppsata-slekta har hatt so mange forgreiningar i Hemsedal at me her tek med ei ætteline etter uppteikningar av presten O. Skattebøl (prest i Gol og Hemsedal 1882-88): Uppsata-slekta I: Ola Uppsata g m Halldis Torleivsdtr hadde 8 born: *Torkjell* ca 1623-96, *Torleif* ca 1630-før 1687 g m Margit Jørgensgard-Nos, *Rangdi* g 1666 m Halvor Sata, *Birgit* d.e. g m Svein Aslegard-Strand f ca 1613, *Birgit* d.y. g m Knut Aslaksgard-Nos f ca 1622. *Syver* drepen 1671. g m Brynhild Uppsata d 1696. Två av borna kjenner ein ikkje namnet på. - II: Torkjell Uppsata var g två gonger og hadde 7 born med fyrste kona. søm var ifrå Rye i Valdres (drukna 1665): *Sjugurd* g m Astrid Endresdtr, dei flotte til Nes 1706, *Halldis* d 1746, g m Ola Vebjornson Uppsata d 1752, *Guri* g 1708 m Nils Kolbjørnsgard d 1732, *Ola* d fyre 1758 utan livsarvingar, *Birgit* d fyre 1733, g m Bjørn Krosshaug ca 1644-1705, *Sunnev* g m Ola nørdrre Svarteberg d 1740, *Margit* f ca 1665 g m Per nordre Hove f ca 1662. So vart Torkjell g andre gongen m Barbro nørdrre Uppsata. Born: *Ola* ca 1675-1758 g m Hallbjørg søre Sørbøen, barnlause, *Mari* d 1703, g m Ola søre Holo f Dokk. (Botolf Baklien). III. Guri Torkjellsdtr Uppsata g ikr. 1708 m Nils Olson Kolbjørnsgard. Sjugurd overlet odelsretten sin til systrane sine, men Guri og Nils tok att heile

garden frå Birgit på odel. Mellom deira born var: IV. Torleiv Nilson Uppsata. Han hadde sju born: 1) Nils g m Barbo O. Rust, dotter til «Rusten», som åtte Ro, og fekk med henne denne garden, 2) Lars, som fekk nørde Uppsata, 3) Torstein, som kom til Eikre, 4) Bjørn, som vart buande i sataron, 5) Ola, som kom til Sehl, 6) Guri g m Ola Reiarsgard, 7) Birgit g m Ola O. øvre Ro. V. Birgit og Ola øvre Ro hadde tre born 1) Torleiv O. Ro 1796, 2) Nils 1798 som kom til Løstegard, 3) Birgit g m Knut T. Rakerlo. VI. Torleiv O. Ro vart g m Liv Øysteinsdtr Ullsåk. Dei hadde sju born: 1) Birgit 1821 g m Sjugurd Grøto, 2) Ola øvre Ro 1823, 3) Øystein 1826-82-56 g m Margit K. Grøto, 4) Torleiv 1830-1918-88, kom til Trandheim i Gol, 5) Birgit 1833 g m Andres Øndredal, 6) Rangdi 1838 g m Tomas Trondsgard i Gol, 7) Ola 1842, kom til Rakerlo. VII. Nils O. Løstegard g m Barbo Eiriksdtr hadde 5 born: 1) Ola Løstegard g m Ingebjørg Torset, 2) Ola rtA, 3) Eirik rtA, 4) Birgit, 5) Ingebjørg g m Ivar Skolt. VIII. Birgit O. øvre Ro g m Knut T. Rakerlo hadde 5 born 1) Torstein K. Rohaugji, 2) Ola K. Rakerlo d.e., rtA, 3) Ola K. Rakerlo d.y. «Lange-Raker n») rtA, 4) Birgit g m Eirik Olson Ålrust, 5) Knut g m Barbo Arnesdtr Sørbøl. Den før nemnde Nils Uppsata (IV) g m Barbo Rust hadde borna: 1) Ragne g m Ola Olsgard i Gol, 2) Rangdi g m Embrik Skrindo, 3) Guri g m Kolbjørn nedre Brøta i Gol, 4) Torleiv g m Margit Olsdtr Skrindo, hadde Uppsata og Ro, 5) Guri g III Ola Olson søre Eikre. Den før nemnde Torleiv Trandheim (VI) vart g m Barbo Olsdtr Glomsrud. Budde fyrst på Glomsrud, sea på Trandheim. Dei hadde: 1) Torleiv Glomsrud g m Kari Olsdtr Tuv, 2) Ingebjørg g til Lauvdøkken, 3) Birgit g til Tubbehaugji, 4) Øystein Trandheim, 5) Barbo Trandheim. Torleiv Glomsrud og Kari Tuv fekk borna: 1) Torleiv d i vaksen alder, 2) Birgit, 3) Barbo g m Torleiv Trondsgard, 4) Ola som fekk garden, g m Rangdi Olsdtr Grøndale, 5) Olav som fekk Perhus, 6) Liv g m Olav Hanson Flaten. Ekteparet Torleiv Uppsata g m Margit Skrindo hadde 8 born: 1) Agot 1810-58-48 g m Lars Skattebøl 1794-1867-73 (foreldra til presten Skattebøl, assessor Skattebøl, Torleiv Skattebøl og Torleiv Breie), 2) Nils g m Barbo Blakkestad, rtA og d der, 3) Ola g m Anne Skjervheim, rtA, 4) Barbo g m Ola sando i Amerika, 5) Rangdi g m Sevatt Upp heim i Tørpo, 6) Guri g m Håkon Bøygard, 7) Ola g m Mari Goldberg frå Gol i Amerika, 8) Håkon Uppsata 1833-1923-90 g m Guri Underåsen. Men attende til Torstein og Anne i Eikre. Dei fekk borna: Torleiv 1783-1848-65 bonde i nørde Eikre, Rangdi 1885, g til Ivarslie, Eivind 1788-1868-80 bonde på Purkestad, rtA, Anne 1790-1878-88 g 1808 med Halvor Leirehaugji, Ingebjørg 1793 d ung, Ingebjørg 1794, g til Bjødnebrøta i Gol, Nils 1797, budde på Rusten i Eikre og Rusten i Gol, Guri 1800-59-59 g 1821 m Mekkel Huso. - Ved skiftet i 1802 fekk kvar av sønene 36 rdl og kvar av døtrene 18 rdl. Garden vart taksert til 700 rdl, og ein plass som då vart kalla Huseplassen (Hagen eller Dalo) til 200 rdl. Torleiv fekk garden, g 1802 m Margit Olsdtr Skar 1777-1865-88. Torleiv sa ein gong som eldre: «E va 18 (åkjjan) år då e gifta me, men det var altfør seint.» - Han fekk skøyte på garden i 1810. Etter skøyte av 5. juli 1815 selde Torleiv eit stykke av timreskogen sin for 1333 riksbankdalar til Svein Endreson Ålrust, men heldt att hamna, lauvskogen og rispinga. I 1844 delte han garden i två, sonen Torleiv fekk hovudbølet og sonen Ola fløtte ut og busette seg på nørde Jorde. Borna til Torleiv og Margit: Torstein 1804-35 bonde i Dalo, Ola 1807-89-82 fyrste bonden på nørde Jorde, Knut 1809-62-53 bonde i Dalo, Anne 1811, g 1852 m Torleiv Slåtto i Gol, [Torleiv](#) 1814 fekk hovudbølet, reiste sedan til A, Eivind 1816-1902-86, budde på Egge i Lier. Torleiv vart g 1814 m Birgit Nilsdtr Løstegard frå Gol. Då dei andre Eikrebøndene selde timreskogane sine, hadde Torleiv vet til å halde att sin, det kan seinare eigarar vera takksame for. Nørde Eikre og Ålrust 52-1 har no dei beste timreskogane i bygden (HF). Torleiv åtte ogso Veslejorde i Lykkjun, der dei sat ei tid utover hausten. Der døydde Birgit hausten 1866, 39 år gamal, tre dagar etter at ho hadde fått eit dødfødt barn. Birgit var ei dugande arbeidskvinne. M.a. køyrde ho tim mer frå skogen til låvebyggnaden deira. I 1876 reiste Torleiv til Amerika samen med døtrene Anne, Barbo, Birgit og Gunhild. Borna til Torleiv og Birgit: Margit 1846-1925 fekk garden som odelsjente, g m Herbrand Skar, Barbo 1847 g i Amerika m Ivar Kjednbardsbrøta, Torleiv 1848-7931 d hjå si morsyster i Skølt, Nils 1852 d, Gunhild 1855-58-3, Birgit 1858, Gunhild 1860, Anne 1863. Margit vart i 1875 g m Herbrand Embrikson Skar 1843-1932 (sjå Torsethaga). Han var fyrst fehandlar. Born: Embrik 1875-79-4, Birgit 1877-1950 rtA, g m Nils Storebrøta frå Gol, [Torleiv](#) 1878-1907-29 d av tuberkulose, [Margit](#) 1881-1915-34 g 1914 m [Mekkel Rustberggard](#) i Gol, [Embrik](#) 1884-1957 lærar ymse stader i Nordland og Finnmark, sist i Svolvær, då han slutta som lærar, busette han seg på Hamar der dottera Herbjørg var gift, og der døydde han, [Nils](#) 1886-1964, var i Amerika ei tid (1905-11) og hadde sea garden, [Jakob](#) 1888-1918-30. - Jakob reiste i mange år som emissær for Det norske lutherske Kinamisjonsforbund (det noverande Misjonssambandet), og det var under ei slik reise at han vart sjuk og døydde - under den farangen i 1918-19 som vart kalla spanskesjuka, ein lei influensafarang, der det ofte støytt lungebetennels til, som kravde mange dødsoffer. Det hende folk vart førde sjuke heim frå kontoret og døydde før midnatt. Sotta tok til sommaren 1918, og innan året var ute, var det meldt 374 288 tilfelle av sjukdomen, og dødsprosenten var stor. Jakob var komen til Horten, då han vart smitta av farangen og lagdest sjuk. Han døydde laurdagskvelden 26.oktober. Vart gravlagd i Hemsedal. Jakob vart vakt ved kjøpmann Per Bergersen frå Drammen som gjesta Hemsedal fleire gonger under den vekkinga som gikk over dei øvre Hallingdalsbygdene frå 1905 og utover eit par tiår. - Syster til Jakob, Margit, som vart gift med

skifabrikant Mekkel Rustberggard i Gol gikk ogso tidleg burt. Ho døydde i barnseng etter at vesle Per Herbrand var komen til verda. Ho var eit sympatisk og fint menneske. Mekkel vart heller ikkje gamal. Han døydde av bukhinnebetennels 7. januar 1921, berre 46 år gamal. Han var ein allsidig interessert mann: idrett, ungdomssak, malsak og misjonen hadde hans store samhug. Hans syster Mari Rustberggard 1889-1969, utdana som lærarinne, arbeidde som misjonær i China 1916-47 i Misjonssambandet si tenest. Sea reiste ho mykje i misjonen si tenest her i heimlandet. Nils 1886-1964 fekk garden då han kom heim att frå Amerika. Vart 1913 g m [Kari Olsdtr Ro](#) 1885-1963 frå Gol. Ein opplyst mann med mange interesser. Kommunemann. Tok til med pensjonat på garden sin kring 1920 (Eikre Fjellgard) der han og kona tok imot gjester om sommaren og i påskehelga. I 1940 overlet han drifta til son sin. Borna til Nils og Kari: [Herbrand](#) 1914 (i pleie ved Lier sjukehus), [Ola](#) 1919-1961, folkehøgskule, fekk garden, Gerd 1925 adoptivdotter (har vore på Gyrihaugen åndsveikeheim). Ola g 1940 m [Birgit Halvorsdtr Ullsåk](#) frå Gol, f 1912, dreiv pensjonatet godt i mange år, utvida og moderniserte 1947-48. I krigstida 1940-45 bygde han ein verkstad laga ymse småting, serleg om vintrane. I 1949 overtok han heile farsgarden og bygde ny uthusbygning sama året. På sama tid bygde han hus åt foreldra sine nede ved riksvegen der Eikrevegen tek opp. Dei fløtte då dit, og Herbrand budde sammen med dei ei tid. Kari døydde av slag 1963 på Drammen sjukehus og Nils på Bygdaheimen 1964. - Ved den tid Ola overtok garden, selde han undå dei myrane som far hans hadde fått dyrka upp nede ved Heimsil. Kjøpar var Knut E. Langehaug, som selde dei att til Knut E. Ulsaker 1961. Og i 1957 selde han so heile garden med [Eikrestølen](#) og skog til eit lutlag av 6 hemsedøler: O. T. Kirkebøen, Trond Haug, O. S. Jordheim Kirkebøen, Olav J. Døkk, Ola O. Kirkebøen d.e. og Halvor S. Hjelmen, men heldt att pensjonatet. Salssummen var kr. 135 000. Han selde garden for å kunne kjøpe att pensjonatet [Storsand](#) i Hurum, som kosta kr. 150 000. I fem år dreiv han og kona både Storsand og Eikre Fjellgard, til han døydde i 1961, berre 42 år gamal. Dei siste åra han levde dreiv han også med båtbygging. Born: [Jakob](#) 1940, skogskule, g 1967 m [Inger Johanne](#) Moen frå Krøssherad (med barn frå fyrste ekteskap: [Birgitta](#) 1964), [Nils Kåre](#) 1945, yrkesskule, g 1967 m [Kari Mette](#) Ødegård frå Oslo, f 1947, arbeider på bilverkstad i Bærum og bur der (born: [Øyvind](#) 1968, [Rune](#) 1969), Gro 1959. Etter at Birgit vart enke, selde ho Storsand 1962. Eikre Fjellgard dreiv ho framleis, men med innskrenka drift, til ho i 1969 overdrog pensjonatet til sonen Jakob. Birgit vart g 2) til Torsteinslåtta i Tørpo og fløtte dit med dottera Gro. Jakob, Nils Kåre og Gro overtok pensjonatet og Jakob bur der, men utan nemnande pensjonatdrift. Derimot driv Jakob hønseri og leiger dessutan ein del av jordvegen som har tilhøyrert garden. Han har fått attende 100 mål skog ovafor garden, likeso 2 mål av stølsvollen. Her har han selt tomt til Jan Martiniussen frå Flå, som har bygt hytte der. Borna til Jakob og Inger: [Eva Marie](#) 1967, [Ola](#) 1969. - Huset som Ola hadde bygt nede ved riksvegen, selde Jakob og Nils Kåre i 1966 til Sverre Østlie, som er gift med syster til Jakob Venås frå Lio. Ola bygde ogso uthus der nede, men det har Østlie omgjort til hytte. Jakob og Nils Kåre eig ein halvpart av slåtta ved Heimsil, «Eikreslåtta» som ho vart kalla. Både denne og Vesleskogen ovafor riksvegen hadde dei kjøpt av Nils, bestefar sin. Verkstaden upp ved garden vart ombygd til hytte og selt saman med tomt til ein Kristiansen frå Oslo.

Nørdre Jorde

Gnr 5, bnr 5, lnr 556 a.

På nørdre Jorde (tjukk l). Skriv seg Eikre.

Garden vart bygt i 1844 av Ola Torleivson frå nørdre Eikre, g 1853 m Margit Torleivsdtr Hensrud (f i Høvdæ på *Torsetsidun*) 1822-94-72. Ola selde ein trepart av timreskogen til Andres Viljugrein, men den beste og det meste høyrer framleis garden til. Døtrene, iser ho Margit, hjelpte foreldra sine godt på deira gamle dagar. Margit vart ogso mykje nytta som bakstekjæring og reikjæring i gjestebod. Borna til Ola og Margit: Margit 1854-1920-66 (med dotter [Ingerid](#) Olsdtr 1891-1934 tente på ein gard ved Vikersund i lang tid og døydde der), Anne 1855-1932 fekk garden, g m Ola Malarbrøta d.y. 1847-1927, Birgit 1858 g 1899 med Ola Malarbrøta d.e. i Høgehaugji (hadde før dottera [Thea](#) Kristensdtr som vart g m K. [Borge](#) i Skotselv), Torleiv 1861-63-2, Kari 1864 d, Kari 1866-67-i. Anne fekk garden som odelsgjente, g 1881 m Ola Aslak son Malarbrøta d.y. Barnlause. I 1911 selde dei garden (for ca kr. 10000 og livavure) til [Per](#) Torson Brenn (f i Turkupp, Gol) 1853-1936, g m Margit Nilsdtr Gølberg 1867-1921-54. Born: Thor 1893, hadde garden ei tid, ugift, Nils 1895-1943, ugift, var postberar Båste-Eikre,

Margrete 1897-1930, d av hjernebetennels, ugift, Liv 1900-58, g 1929 m Lars Kvinnegard frå Ål f 1904 (born: [Ivar](#), 1929, [Per](#) 1931), Anna 1903-49, g 1928 m Aslak E. Jendalen i Gol (born: [Endre](#) 1928, [Margit](#) 1930, g 1965 m Asle K Grøthe). Thor overtok garden 1935. Braut upp mange mål stein full *jord* og pløgde upp og sleinreinska den gamle marka. Ein duganes bonde som stelte vel med jorda og skogen. Bygde nytt fjøs 1945. Har selt ei hyttetomt øvst på eigedomen 1942. - Heile garden med støl (på øvre Eikrestølo), skog og slåtta (ved Heimsil) selde Thor til systemsonen [Per](#) i. [Kvinnegard](#) frå Ål for kr. 25000. [Per](#) vart g 1961 m Kari Hestebrek, Ål, f 1939. Dei *bur* i Ål og driv ikkje garden.

Siste året det var krøter på garden, var i 1962. *Per* selde den gamle stugo til hytte på nørdrø Hjelme i Grøndale 1965. Born: Liv Marit 1961, Arne 1963, Torbjørn 1964.

Eikrehagjin

Gnr 51, bnr 19, lnr 557.

i Haga eller Eikrehaga til skilnad frå dei andre Haga-namna. Skriv seg Eikrehagen.

I pantebok nr. 11 for Ringerike og Hallingdal sorenskriveri står det at i 1757 kom Gudtorm Torsteinson med odelssøksmal på vegner av si kone Sissel *Toresdtr* mot Ola Olson nørdrø Eikre. *For* å få Gudtorm til å leggje ned denne saka, ga Ola han rett til å røa og byggje Eikrehagjin, som etter tradisjonen før var hestehage til nørdrø Eikre, og dertil seterbol på Heggjirusten og den skog og utmark som han trong for å kunne hamne krøtera sine, «og maa han opsætte sin Gjerdesgaard fra Eikres Gjerdesgaard i nord ovenfor en Tjærejhjall og *nord* efter Brøtet paa Hagabakkene, samt videre mot nord i nogle store Stene nedenfor alfarveien, ned i en Myrgryte og sønder i Kjeldemyren til Eikres Gjerdesgaard imodstøder, ligesom han og Arvinger uhindret skal have fornøden Brændevad samt Gjerdefang og Tømmer til Brugets vedligehold av Skogen mod at han eller 4 Arvinger erlægger til Hjælp i Gaardens Skat 1 Rigsort aarlig». - Gudtorm *Torsteins* on 1708-61-53 var frå nedre Ålrust, fl, 1735 m Sissel Eikre 1712-72-60. Borna deira var: Birgit d.e. 1735, g m Hans Helgson Haugen, Torset, Barbo 1739, Sissel 1741, d *før* 1772 (med barn: *Gudtorm* Ingvarson 1766), Birgit d.y. 1749, g m 1) *Torstein* Hølto og 2) Bjørn Høgehaugji, Jørønd, 1752, *Torstein* 1758-1825-67, budde i Haga, på Løkji og i Døkken, Olang 1760. *Torstein* vart g 1) 1781 m Agot Hansdtr Jordheim 1756-87-31. Dotter: Sissel 1782. Deretter vart han g 2) 1792 m Kari Kristensdtr. Born: Agot 1792, g 1818 m Knut Lurås frå Tinn, Gunhild 1808, g 1834 m Kristen Eivindson Sirerudningji. Ho skrivst då for *Skolt*. Då *Agot* vart gift, skreivst ho for Dokken. Brørne *Tomas* og *Knut Lurås* frå Tinn i Telemarken heldt seg ei tid i Hemsedal som malarar. Mala m.a. ei gjestetugu på Rese og ei setestugu på Sletten i Lio. Dessutan «ploggekistu» (kledeskister), som hørde med i heimanfølgjet når ei gjente gifta seg. Det er fortalt at Knut mala kledeskista til Liv *Imre* på Ullsåk (sea ått av Gunvor Å rust på Grøterud), likeeins den kista frå Sletten i Lio som no står på kommunelokalet. Knut var felespelar med og spelte i bryllup, og må vel ha spelt i Hemsedal. (Jon Skaarberg frå Tinn har fortalt dette.) Agot fløtte med Knut til Tinn. Men han vart ingen god forsyttar, dertil farta han for mykje omkring med malarkvåsten og fela. Spelte i det eine bryllupet etter det andre. Heime levde dei i fatigdom i ei husmannshytte, Einungsbrekka under Lurås. Han døydde på Kongsberg av lungebetennelse 58 år gamal i 1845 og vart gravlagd der. Agot hadde eit stridig gjemytt. Når det braka laust som verst, brukte han å seie: «*No* ha det fata i hemsebrisken att no!» Knut var påfunnig i ord, og det gikk mange hermer etter han. Knut og Agot hadde två døtrar: *Birgit* og *Kari*, som bae vart bra gift. - Knut var eir meisterspelemann. Dei hermer etter Myllarguten: «Knut æ gofa ått alle spelemenna!» Storspelaren Olav Mo frå Valdres vann den fyrste premien sin i Bergen med slåtten «Luråsen». - *Birgit* Knutsdtr vart g m Mads Eggerud. Dei hadde ein son Jon, og Jon hadde borna Halvor og *Birgit*. Halvor budde på Eggerud og var varaordførar i Tinn ei tid. Elles sit det etterkomarar av ætta på gardane Gvammen, Øygarden, Maurud, Haukås, Karlsrud og Fjalerud i Tinn. - Knut og *Tomas* og dei andre brørne, Gunnulv, Halvor, Øystein og Torgjer, var søner av den vidgjetne Øystein Ounnulvson Ingulvsland, som var i lag med Kristian Lofthus då han drog til kongen i København 1788 med klage over sorenskrivar Hans *Tomas* Lange og prosten Møglestue. Lange vart avsett, og prosten mista mykje av sine gravvigsleinntekter (ein bonde laut ut med ei «gravvigslekyn», husmennar med noko mindre, tenestugar med ein riksdalar). Øystein vart måg på Lurås og kjøpte gard der (HF). I 1808 selde *Torstein* bruket til *Birgit* *Toresdtr* Ullsåk, enkje etter Odd mund Nilson, som døydde 50 år gamal i 1807 (sjå Ullsåk). I skiftet brev etter Oddmund er *Torstein* Gudtormson skriven for *Lykken*, so han må vel ha fløtt dit. Han døydde som fatiglem 67 år gamal i 1825, og namnet er då skrivi *Torstein* O. *A Irusteiga*. I skiftet etter Oddmund fekk sønene Nils og Tore kvar 76 rdl og døtrene Rangdi, Anne, Barbo, Anne, Anne, Rangdi og Guro kvar 38 rdl. Nils 1790-1862-72 fekk garden, g 1859 med enkje Kirsti Sveinsdtr Jodøkk 1782-1869-87. Dei var barnlause, og brorsonen Nils Toreson Magelinhaugji kjøpte garden. Nils Toreson g 1859 m Ingerid Olsdtr Hølgjhaugji (seinare Vidden i Gol) 1832-1925 selde stølen på Heggjirusten til Elling Furuhaugo og kjøpte att ny støl på Lauvsjø. Ingerid var eit sers hyggeleg menneske. Heile huslyden rtA i 1888. Born: Tore 1860-64-4, Gnri 1863, Margit 1865-1929, *Birgit* 1866, Oline 1868, Tore 1871, Ola 1873-85-12, Embrik 1875 d, Ingerid 1880. *Birgit* døydde straks etter at dei kom der. Før Nils rtA, selde han garden til Embrik Embrikson Uppistugun Torset 1850-1927, g 1888 m Mari Hallen 1848-1927. Born: Ingebjørg 1895-1965, g 1914 m Halvor Helgeson Raubakka i Gol 1887-1967, son til Helge Skarshaugji. Ingebjørg og Halvor fekk garden. Halvor har dyrka upp mykje jord og bygde mykje nytt både heime og på stølen. Dertil arbeidde han hjå andre, helst med skogs- og gardskøyring. I 1929 kjøpte han småbruket Mørk av syskinbarnet Knut Andresson Mørk for kr. 6000. Her busette sonen Engebret seg og overtok bruket i 1941. Halvor fekk eit lettare slag i 1964, vart delvis lam og låg til sengs på Bygdaheimen i nære på 4 år. Der fekk

han kvile ut etter mykje trufast slit på eigen gard og for andre. Borna til Halvor og Ingebjørg: Kari 1915, g 1941 m Ola E. Jondalen i Gol (born: *Bjørg Inger* 1942, *Eli Helene* 1945, *Aslaug* 1948, *Endre* 1949), Engebret 1916, g 1941 m Ruth O. Hovin frå Gol (dei budde i Mørk, seinare i den nye heimen Fururmo), Helge 1919, g 1949 m Ingebjørg S. Aaker frå Geilo, har handelsutdanning, var kontorsjef hjå Brødrene øyo på Geilo ei tid, frå 1955 likningssjef i Gol og har bygt seg hus der (born: *Harald* 1952, *Ingrid* 1957, *Sigurd* 1963), Knut 1922, g 1944 m Karine H. Dalene, dei budde i Eikrehaga ei tid, men kjøpte so Raubakkjinn i Gol (av dødsbuet etter farbroren Vilhjelm) og fløtte dit, Anna Marie og Barbo Kristine 1928, tvilingar (Barbo Kristine g 1953 m Birger i. Moen i Gol, som arbeider ved jarnvegen, born: *Grethe Irene* 1953, *Leif Otto* 1957, *Bjørn Helge* 1961, Inger Marie 1963 Olav Gunnar 1936, artium og lærareksamen, lektor på Idrettshøgskulen. - Anne Marie, som tener i Oslo, fekk av syskena sine ei hyttetomt heime i Haga. Med Knut budde i Haga, arbeidde han på riksvegen og med skogsarbeid. Frå 1956 fekk han fast arbeid på anlegga til Oslo Lysverker i Hemsedal og andre stader i Hallingdal. I 1970 fløtte han til Raubakka i Gol. Borna til Knut og Karine: Halvor 1944, Hermann 1946, Ingebjørg 1947, Kåre 1949, Birger 1951, Astri 1953, Ola 1956, Kjell 1961, Marian 1963. Engebret overtok Eikrehagjinn etter foreldra sine i 1969.

Dalo

Gnr 51, bnr 16, lnr 556 b. I Dalo. Ofte skrivi Dalene.

Bruket utskilt frå nørde Eikre. Nils Jodøkk sa at husa i Dalo før sto lenger nordenn dei seinare kom til å stå. Skulemeister Ivar Knutson Dalehaugen i Lykkjun var frå Dalo. Det må vera foreldra hans som står oppførde soleis i kyrkjeboken: Knut Olson og Kari Torleivsdtr *Eikreeigo* g 1764. Born: Ragnhild 1764, Ivar 1767-1848 -81, Torleiv 1771. Om Dalehaugen og Eikreeigo her er same bruket som det seinare Dalo, veit ein ikkje for visst. Det er mange huslydar som er skrivne for Eikreeigo utan at det blir sagt kva for eit bruk det gjeld.

Kven som so kom til å bu i Dalo, saknar ein sikre opplysningar om. Fyrst i 1833 er bruket nemnt. Då bur Torstein Torleivsun Eikre der 1804-35-31, g m Ragnhild Skøyten f 1807. Dei hadde ei dotter: Birgit 1834. Torstein var den eldste i nørde Eikre og skulde hatt garden. Men so var han vank i eine foten, so han vilde heller ha eit mindre bruk. Det sette seg verk i foten, som til slutt verkte av, so han låg att i sengen. Ragnhild vart g att 1836 m Elling Ivarson øygarde frå Røtneim i Gol. Elling vart omtala som ein sterk kar. Dei fløtte frå Dalo til Kvarve i Nes. I Dalo fekk dei borna: Ivar 1836, Kristi 1839, Olaug 1842, Mekkel 1844. Knut Torleivson Eikre 1809-62-53, bror til Torstein Dalo, kjøpte so bruket, g 1845 m Sigrid Olsdtr Orøvargarde 1819-98-79. Born: Torleiv 1846 d ung, Torleiv 1854-58-4, Ola 1855-88-33, d av kreft på Rikshospitalet, Margit 1859-70-11. - Sigrid vart g 2) 1869 m *Aslak Målarbrøta* og fløtte dit. Då Knut var død, vart Daløelt til Mekkel Vilhjelmson Støyte g m Sigrid Sjugurdsdtr Stakkestøe. Dei budde der til 1874, då fløtte dei til Stakkestøe (sjå Støyten). sama året kom Ola Embrikson Upp istugun Torset 1843-1920-77 til Dalo, g 1873 m Margit Knutsdtr nørde øvre Torset 1842-1914-72. Ola, som dei brukte å kalle Dalemann, tok på seg mykje tungt og grovt arbeid for andre: Draging, timrehogst, stdnarbeid, gjerding. Han var førleg og uforfærd, so det vart gjerne han dei spurde om slikt. Prata godt for seg både i spøk og alvor. Han kunne t.d. seie til presten når han kom køyrande: «Fælt te magre hest du har, ein skulde melle de før dyrplageri!» Folk kunne seie til han: «Dalemann kan sea det han vil o gjera det han vil!» Og han kunne svara: «Kom te me ei gøng e ikkje æ heime, men akt de at du ikkje keiva skodne dine!» (HF). Han var innom hjå Tore Ålrust ein gong, som var nygift ved det belet, og sat og prata ved den unge kona. «E minist de ufødd, e,» sa Dalemann (OR). Born: Embrik 1875-1900, døydde av sukkersjuka, Ingebjørg 1877-1954. I 1916 selde Ola bruket til Hermund A nfinson Laggabrøta (Bergli) frå Gol 1879-1957, g 1912 m Barbo Olsdtr Myte (eller Rohaugen) f 1890 frå Gol. Born: Kari 1913, g 1939 m Elling Furuhaugo, Anfin 1916, g 1943 m Maria Venås f 1920, har garden, Ola 1918 d, Karine 1919, g 1944 m Knut H. Eikrehagen, Olga 1922, g 1946 m Ola N. Mythe f 1917, Ingebjørg 1925 d, Ingebjørg 1926, g 1946 m Syver O. Furuhaug, Birgit 1931, g 1952 m Olav H. Berget, Garnås, Nes (barn: *Anni* 1952). I 1950 fløtte Hermund og Barbo ned på *Daleslåtta*, der dei hadde bygt seg eit fint lite hus like ved riksvegen (no burtleigt til byfolk). Hermund braut upp mykje steinfull jord på garden og grøfta mykje på slåtta nede ved Heimsil. Var også timremann og sers flink snikker, vølte og bygde nytt hjå seg sjøl og arbeidde mykje for andre. Sette ogso upp ny hytte på stølen (Bergostølen). Ein stillfarande, flink mann som nytta tida vel. Anfin overtok garden i 1950. I pakt med den nye tida kjøpte han maskinelt utstyr, som han brukte både hjå seg sjøl og hjå andre. Heldt fram med jorddyrking heime og på stølen. Bygde nye uthus 1955. Born: Barbo 1944, g 1964 m Ola A. Grøndalen, Hanna 1945, handelsskule, g 1969 m Halvard Garborg frå Gol (born: *Svenn Arne* 1969, *Raymond* 1971), Kari 1951, husmorskule, Lise 1955, Hallingdal Gymnas, Herbjørg 1960, Solveig 1962. - Anfin har dyrka upp mykje både heime, i slåtta og på stølen.

Trølledal

i Trølledal eller Langtrølladal. (Langtrøll: tabuord for hoggorm.)

Nedlagt bygselbruk under nørdrre Jorde. Det låg upp i skogen rett upp for Timrebakka. Det er enno reister etter åkerland, men det er gløymt kven som budde der. «Folkene, deres arbeid, deres strid, sut, kamp, deres gleder, deres skjebne - alt er skyllet bort, alt er gått ned i den store glemsel» (HF). Av dei siste som budde der - som tilhaldar - var Birgit Halvorsdtr frå øvre Ullsåk, sea Grøvshaug 1818-9173. Var gjente endå. Det var i 1853. Eivind Eikre (d 1902) gikk der av og til som friar. Ei natt kom det snø, so det var farsynt. Han vilde ikkje at folk skulde få greie på det og gikk baklengs sørover frå Trølledalo til nørdrre Eikre. Kjennskapet dei imellom resulterte i at Birgit fekk ei dotter: Ingebjørg (sjå Ullsåk). Eivind baud Birgit ekteskap, men ho svara: «E ha hatt ei barseng, e vil ikkje ha fleire!»

Rustn

i Rusten. Nedlagt bruk.

Låg i skogen sør for Trølledalo og var heim støl til nørdrre Eikre. Der budde ei tid Nils Torleivson, farbror til Eivind Eikre. Han vart g m Anne Aslaksdtr Olsgard i Gol. Dei fløtte straks etter til Rusten i Gol. Nils sette livet til i brøtningen. - I 1956 vart Ruste kjøpt av Elling O. Furuhaugo.

Bergheim

Gnr 51, bnr 43. i Bergheim. Ny bustad ved Heimsil (Hemsil) nær Eikredamme.

Denne eiga var slåtte til garden Gjerde frå gamalt av fram til 1949, då Aslak og Kari Gjerde busette seg der og bygde eit bra bustadhus. Aslak har dyrka upp omlag 15 mål. Under kraftutbygginga i Hemsedal dreiv han med anleggsarbeid for Oslo Lysverker, elles skogsarbeid. Er snikker og bygningsarbeidar, flink mekanikar og reparatør. - I 1964 fløtte Aslak og Kari til Gol, der dei overtok småbruket *Elvestad* etter Ola Hatten, farbror til Kari. Dei har baa eige domane no. Aslak kjøpte Nedrestølen på Eikrestølo 1966, men selde han att til dr. Aagot Wendt, dessutan ei hyttetomt til Finn Wilhelmsen, og sette upp eit gamalt timrehus til stølsbu. Dr. Wendt overtok ogso dette huset og brukar det som hytte, dessutan har ho selt ei tomt til Øystein Wendt, ein slektning av seg.

Fjellstad

Gnr 51, bnr 48. Ny bustad.

Dette er ein ny heim i Eikregrenden. [Elling O. Furuhaugo](#) kjøpte 6 mål grunn av Thor P. Eikre, som då åtte nørdrre Jorde. Elling var sjølv byggmeister og sette upp hus åt seg her, som han fløtte inn i med huslyden sin i 1960. Dei hadde før butt nokre år i Furuhaugo (sjå der) og sea i ei stugu på nørdrre Jorde i 13 år. Elling fekk med frå Furuhaugo ein liten eige dom på Mattislio i Gol som heiter *Skarabakkjin*, og ein liten skogrem ovafor den gamle riksvegen ved Fuglehaugen. Og i 1952 kjøpte han ei slåtte - Vestrengji - av Ola Mørken. Han arbeider for det meste med husbygging og snikring, men er med sitt gode handelag altmogelegmann. På Fjellstad har han bygt uthus og fått seg krøter. I 1956 kjøpte han *Ruste*, som ligg uppi skogen ovafor Dalo, har visstnok tilhøyrert nørdrre Eikre (51-17). Borna til Elling og Kari: Ola 1939 d, [Ola](#) 1940 verkstadararbeidar på anlegg, [Gudrun](#) 1943 g 1970 m Olav Haugen frå Hjartdal, Hermund 1947 g 1969 m Unni Lillian Karlsen frå Solør, Born: Bjørn Terje 1969, Tone Anita 1971, *Kit Heidi* 1974, Bjarne 1949, g m Eva Haraldsvik 1975 eig garden Vik i Helgeland. Torleiv 1952 yrkesskule driv som bygningsnikker. Helga 1954 yrkesskule, kontordame hjå firma Høyer Ellefsen, Barbo 1956 no på husmorskule på Notodden, tvilingane Ellna og Karin 1959.

Klanten

Gnr 51, bnr 46.

Noverande eigar: Nils Kåre Eikre f 1945, arbeidar ved Hallingdal Auto i Gol. G 1967 m Kari Mette Ødegård, Oslo, f 1947. Born: Øyvind 1968, Rune 1969.

Andre huslydar i Eikre:

Der det er fleire gardar med same namnet, er det ofte vanskeleg å seie heilt sikkert kvar den og den huslyden har butt, avdi namnet er skrivi likt i kyrkjebøkene. Og dei mindre bruka blir ofte skrivne medgardsnamnet fyre: Eikreeigo, Eikreplassen osv. «Det er derfor mange familjer jeg ikke har kunnet bestemme hvilket av brukene til en gård de har bodd på» (HF).

1) Tore Eikre er nemnt å ha ei dotter: Anne f 1747. 2) Tor Øysteinson Eikre g 1747 m Anne Olsdtr. 3)

Knut Hermundson Eikre g 1757 m Tydni Halvorsdtr: Hermund 1758, Margit 1771. 4) Ola Olson Eikre (d 1770) g m Guro Torleivsdtr. Skifte 1770. Born: Aslak , Anne (26 år ved skiftet) og Kari (20 år). 5) Johannes og Rannei Eikre: Nils f 1787. 6) Steingrim Asleson g 1792 m Ingebjørg Torsdtr Eikreeigo: Steingrim 1794 (ikkje i Hemsedal ved folketeljinga i 1801). 7) Ola Eirikson g m enkje Ingebjørg Torsdtr (d 1795). Nemnd 1801. 8) Ola Olson g m Olaug Gudtormsdtr Eikreeigo, budde på eit Eikrebruk ei tid. 9) Tomas Knutson Eikre g 1775 m Margit Hansdtr. 10) Nils Arneson g m Kristi Sveinsdtr Eikreeigo: Birgit 1829. 11) Ola Torleivson g m Anne Nilsdtr Eikre: Mari 1831. For kvar gard er det ogso nemnt avfalne som ein ikkje kan sjå har tilhøyrt nokon huslyd på garden. Det kan vera tenarar eller losjerande, ja til og med legdafolk kunne bli skrivne inn i kyrkjebøkene med det gardsnamnet der dei døyde. Det finst ingen opplysningar om kvar dei er født: Margit Torsteinsdtr Eikre d 1696. Barbo Bjørnsdtr Eikre 86 år d 1709. Ola nørdre Eikre 91 år d 1744. Anne Olsdtr Eikre d 1772. Ola Oddmundson Eikre d 1754. Sissel Gudtormsdtr Eikre 30 år d 1772. Tore Knutson Eikre 33 år d 1777. Kari Olsdtr Eikre 48 år d 1790. Jørønd Olsdtr Eikre 27 år d 1807. Margit Olsdtr Eikre 11 år d 1810. Ola Olson Eikrelass 1 år d 1820. Torleiv Torleivson Eikre 38 år d 1834. Syver Tomasson Eikre (f utanfor ekteskap) d 1859.

Ålrustgardane

ligg i ei logn, sørvend hall eit stykke nordafor Eikre. samen med dei einsleg liggjande bruka ned gjennom skogen til Hjelmen nede ved elva og reppen i nord som dei kalla Skølteplassatn i gamal tid, utgjorde Ålrust med Eikre ein skulekrins før sentraliseringa kom, og hadde lærar samen med Lykkjun. Ogso Høgehaugen midtvegs mellom Eikre og Ålrust og Vannevikji ved Vannen var matrikulert samen med Ålrust. alle desse gardane stolar på høgdene sør og aust for Grytevatnet og Gamma (Gammen er ei vik tå Vanna). Eikre- og Ålrust-grende og Skølteplassatn kalla dei i gamal tid *øygardatn*. «Sy Øygardo», sa dei i Nordbygden. Ogso i Gol var det ein repp som frå gamalt heitte *øygardatn*. Skattematrikkelen av 1647 nemner berre ein Ålrust-gard (eigar *Østen Aalrust*), skattlagd som øydegard, men i manntalet for 1664-66 er det oppført två med *Ole Jacobsøn* (40 år) og *Østen Heljesøn* (50 år) som eigarmenn. Det var venteleg øvre og nedre Ålrust, båe skattlagde som øydegardar. alle dei noverande Ålrust-bøndene skriv seg *Aalrust*.

Høgehaugen

Gnr 52, bnr 4, lnr 558 d. I Høgehaugji.

Garden har namnet sitt etter den høge haugen like ovafor og ligg midtvegs mellom Eikre og Ålrust. Bruket Slette låg like ved. Til garden høyrer Haugastølen som ligg på eidet mellom Gammen og Grytevatnet. I Høgehaugji budde Tor Olson som døyde 1783, 70 år gamal, og Guri Olsdtr. Dei var venteleg frå Gol. Dei hadde tre born: Kristi d 1836 ikr. 80 år gamal, g m Torleiv Hansson Flaten, Guri d 1766, Mari d 1789 ikr. 30 år gamal. Her kan det forteljast eit merkeleg samentreff av livslagnader: Mari fekk ein gut med Torstein Jakobson Skar (han var frå Viljugrein f 1750): Jakob 1776-1804-28 (Jakob Dalo d 1804). Torstein vilde ikkje veta meir av Mari, men gifta seg ikr.1780 med ei Birgit Gudtormsdtr Eikrehaga, dei budde i Hølto i Nordbygden. Mari vart so g ,m Bjørn Knutson som d i 1828. Dei budde i Høgehaugji og fekk tre born: Sunnev 1783-1848-65 g m Helge Fauskemoe, Guri 1786, Rangdi ca 1789-1876-87 g m Ola Bubakka. Men so døyr Torstein ikr. 1788 og straks etter ogso Mari. Enkjemannen Bjørn Knutson gifta seg so med Birgit, enkja etter Torstein, som so kjem åt Høgehaugji. Soleis kom Bjørn til å leva samen både med henne som Torstein skaut for glugg, og henne som han tok. Borna til Bjørn og Birgit: Knut 1792-1864-72 bonde i Høgehaugji, Mari 1795-1825-30 ugift. Då Birgit fløtte åt Høgehaugji, tok ho med seg dei tre borna ho hadde med Torstein: Kari, Gudtorm og Sissel. Kari vart gift åt Tukkehuso i Gol, Gudtorm budde i Furuhaugo, kvar det vart av Sissel, er ukjent. Det vart soleis fire syskinlag i Høgehaug: Jakob, serborna til Bjørn, serborna til Birgit og samborna til Bjørn og Birgit. Knut bygsla Høgehaugen etter foreldra sine, g 1825 m Kari Olsdtr Hensrud 1801-88-87. Dei hadde: Bjørn 1826 rtA, g m Anne Kristensdtr Brøta frå Gol i 1855, Mari 1828-1911-83 ugift (hadde borna: *Birgit* ikr. 1858 budde uttafor, *Helge* Vilhelmson 1862 bonde i Åse på Tørsetsidun), Birgit 1831 fløtte 1858 til Gran, reiste sea til Amerika, Margit 1833 rtA, Anne 1836-57-21 drukna ved Kariset, Ola 1838 rtA, Bjørn 1842-ca 1890-48 budde på Geiteberg i Valdres, Nils 1844 rtA, Kari 1846 rtA, Nils 1848 d 4 veker gamal. - Knut hadde det trølsamt. Brende mykje køl som han selde til folk lenger nord i bygden. - Då Knut fall ifrå, vart Kari g 2) 1871 m enkjemann Herbrand Skølt. Han var då 68 år og ho 70. Herbrand hadde livauere i Skølt ug Kari i Høgehaug, dei budde difor eit år på kvar stad. Ikring 1873 vart bruket kjøpt av Ola Mekkelson Sletten (av eigaren Svein Alrust). Ola vart i 1872 g m Eggjerd Toresdtr

Magelinhaugji f 1843. Ola handla med fe og smør. Var hag med øks, høvel og kniv. Handelslivet gløynde han aldri. Når marknaden var over i Kristiania og Drammen, spurde han støtt etter korleis det gikk, især med hestehandelen. Marknadslivet hadde gange han slik i blodet. Det var han som reiv ned den gamle stavkyrkja i 1882. Ola og Eggjerd var godslege, gjestfrie folk. Eggjerd var ferm og greidde upp i grenden som reikjering og jordmor. Dei hadde ein son: Mekkel 1873 som rta og vart farmar i Canada. Då Ola var død 1896, selde Eggjerd bruket til skomakar Svein Palhuso, som i 1897 vart g m Birgit Jakobsdtr Skarshaugo, systerdotter til Eggjerd. Dei hadde: Rangdi 1898 g i Amerika m Lars Halvorson Løkji, Guri 1899, Ella ikr. 1901 f i Amerika, ho drukna i ein brun. Svein selde garden i 1900 og reiste med huslyden til Amerika, Eggjerd og Mekkel følgde med. Det var Ola Aslakson Målarbrøta d.e. 1845-1919 som kjøpte garden. Han vart g 1899 m Birgit Olsdtr nørde Jorde i Eikre 18 58-1932. Ola var nokomykje låghalt og glkk under kjenningsnamnet «Haltebrøten» (som det ikkje låg noko nedsetjande i). Born: Ola 1899 d og tvilingsystera Birgit 1899 som vart g 1931 m Johan H. Borge 1896-1950 frå Atna i østerdalen, Ola 1902 bonde i Høgehaugji, ugift. Han har hatt god hjelp av Birgit, syster si, både før ho vart gift og etter at mannen hennar fall frå. *Birgit og Johan Borge* hadde desse borna: *Oline* 1925 realskule g 1956 med Harry Johansen frå Numedal, som arbeider ved jarnvegen i Drammen og bur der, *Kari Ingebjørg* 1933 g m bryggeriarbeidar Trygve Gundersen i Hurum, *Hans* 1936 yrkesskule, bilmekanikar for A/S Hemsedalsbilane, g 1965 m Borghild F. Brenno frå Gol f 1945 (dei har borna: *Liv Birgit* 1965, *Jon Freddy* 1966, *Bjørn Helge* 1970), *Arne Kristian* 1941 handelsskule, arbeider ved Dina-Follum fabrikkane, g 1962 m Birgit Marie Palsrud frå Ådalen, dei bur på Hen ved Hønefoss. - Hans fekk seg tomt i hamnehaga åt Høgehaugji og bygde seg bustadhus der 1973 (*Træet*) og både han og Oline fekk tomt av morbror Ola på Høgehaugstøle og bygde seg hytte der.

Træet

Gnr 52, bnr 59. I Træe.

Eigar: *Hans Borge.*

Slette

På Sletten, osso kalla Lauvslette. Nedlagt bruk.

Slette var før bygselbruk og vart so øydebruk under Ålrust 52-1. Langstølen som høyrde til, var Høvdestølen, no langstøl åt Hjelve 52-10. Eg veit berre om ein huslyd som budde der, fortel HF. Det var Mekkel Olson ikr. 1797-1885-88 g 1826 m Ingebjørg Persdtr frå Rotnheim i Gol. Mekkel var golving han med, bror til gamle Ola Sørbølhaugji som døydde ikr. 1879. Ingebjørg døydde ei noko so tid før han Mekkel, som døydde hjå dotter si i Hensrud. Dei hadde: Liv 1827-1910-83, ugift, døydde i Hensrud, Ola 1830-96-66 bonde i Høgehaugji, Guri 1835-1915-80 g m Knut Hensrud. - Mekkel fekk bygselbrev på Slette i 1824. Bruket blir då kalla Embrikplassen. Det han skulde svara årleg, var dette: slå ein dalarsteig på stølen og ein heime og so skjera två mål åker.

Søre øvre Ålrust

Gnr 52, bnr 2, /nr 558 b. I øvre Ålrust Sygarde. Skriv seg Aalrust.

Kyrkjebøkene nemner fyrst Per Olson Ålrust g m Anne Mekkelsdtr. «Jeg stammer fra dette par i 7. ledd» HF). I matrikkel av 1723 står Per som eigar av øvre Ålrust, skyldsett til 5 1/2 løbel. Per og Anne hadde: Ola d før 1738, bonde i Ålrust, g m Kari Persdtr, Sunnev g m Nils Nilsson Skølt, Sigrid g m Knut Ol son Rugnus i Valdres, Rangdi g m Andres Torset. Ola og Kari hadde ein barneflokk på tre blir det upplyst på skiftet 1738 etter Per og Anne. Det var: Per, som då var 19 år, bonde i øvre Ålrust, Knut 14 år og Sigrid 16 år. Per døydde i ein sottefarang 1773 ca 55 år gamal. Han var g m Barbo Olsdtr. Born: sjå nedafor! Ho vart g 2) m ein Ola Olson, brura var 30 år eldre enn brudgom en. Barbo døydde 1805 ca 84 år gamal. Ola Olson vart g 2) 1808 m enkje Margit Nilsdtr Torset. Han døydde året etter, og Margit i 1835. Ved skiftet etter Barbo Olsdtr 1805 hadde buet ei nettoeige på 3672 rdl. Enkjemannen fekk det halve, den andre halvparten vart delt mellom borna til Per og Barbo: Anne 1744 g m 1) Tore Grøto og 2) Asle Grøto, Ola 1746 bonde i Ålrust, men han fløtte til Vestlandet på sine gamle dagar, Ola 1748-75-27, Kari 1749 g m Embrik Nilsson Ullsåk, Kari 1751 g m Jon Jordheim, Anne 1753-1847-94 g 1776 m Halvor Toreson Rusto, Per 1756, Knut 1758-1849-91 bonde på Intelhus, Kirsti 1762-1840-78 g 1783 m Ola Markegølo. I matrikkelen 1803 er Ola Olson og Ola Person oppførde som eigarar av garden. Ola d.e. fekk garden, g m Astrid Knutsdtr. Dei hadde: Per 1772-73-1, Barbo 1776, Per 1778 fekk garden, men fløtte til Vestlandet, Guri 1781-1845-64 g m Svein Haug på Kyrkjebøn, Kari ca 1784 g m Svein Rud i Ål, Knut 1789-1829-40 bonde i Vannevikken, Ola 1792-1864-72 bonde i Skøltedøkken. Ola vart ikkje buande all sin dag i Ålrust. Knut, farbror hans, som ei tid åtte Intelhus (sjå der), fekk skøyte på ein halvpart av Ålrust i 1805, og i 1806 selde Ola sin halvpart til

Svein Endreson Hesla 1772-1857 g 1806 m Birgit Olsdtr Høvtunhaga 1787-1861 (skøyte av 19-2-1806) og drog til Vestlandet. I mars sama året fekk Svein lånt 1200 rdl av det Treschowske legatet i Christiania til denne gardhandelen (men laut seinare betala lånet attende med renter, for midlane skulde berre nyttast til «trængende Husarme i Christiania», jfr. «Norske Stiftelser» III s.203). Ola må ha teke foreldra sine med seg til Vestlandet, endå han hadde underskrivi livaukontrakt til dei i 1804, for dei er ikkje førde inn i kyrkjebøkene som døde i Hemsedal. samenhengen med vestlandsreisa er ganske forvitneleg: Utpå vinteren 1801 kom Hans Nielsen Hauge oppover til Hemsedal i eit sers ærend. Religiøse svermarar frå Vestlandet hadde forkynt at dommedag var ventande når som helst, og dette sette svær stökk i folk. For å greie upp i denne røra og tala folk til rettes drog Hauge oppover, hadde mange samtaler med dei vakte og overtydde dei om, ut ifrå Guds ord, at dette var «vildfarende Indbildning» og at «intet Menneske veed den Dag». Dermed gav uroa seg. «De troede mig da og lode sig rette,» skreiv han i sine livsminne (Reiser» s. 23). Frå Hemsedal gikk Hauge på ski over til Ålsgjeld, og både der og i Hemsedal heldt han mange samlingar. Det enda med at han vart sett i lensmanns-arresten i Ål og derifrå skyssa utover dalen som arrestant. På denne reisa må Hauge ha snakka med venene sine om at han hadde tenkt å søkje om handelsborgarskap i Bergen (Bern som dei kalla byen her i Hallingdalsbygdene i gamaltid). Han vilde drive «bondehandel» og setja i gang ymse samyrketiltak, slik at det kunne bli eit kristeleg sentrum i og omkring Bergen der han og venene hans sto for leiinga (eit tiltak i denne lei var alt sett i gang på austlandet: Papirmylna på Eiker). Fleire vart gripne av denne tanken og drog vestover. Mellom dei var Per Ålrust (han skreiv seg Peder Aalderust der vestpå), Kari syster hans, som vart gift med Svein Rud (skreiv seg Svend A. Ruud), Kari nørdrø Grøto (1792-1860) som vart gift med kjøpmann Peder Odland (sjå «Hemsedal» s.130/140) og ein Vebjørn Sveinson frå Ål, som seinare busette seg i ørsta. Per var ei tid medeigar og styrar for mylnebruket i Strusshamn sør for Bergen, som haugianarane åtte. (Sjå nærmare om desse tiltaka hjå Dagfinn Breistein: Hans Nielsen Hauge, «Kjøbmand i Bergen», Bergen 1955.) Svein Rud vart kjøpmann i Bergen. Dotter deira, Agathe Marie vart g m ein kjøpmann Gundersen i Stavanger, og dotter deira att vart g m kjøpmann A. Svanøe i Bergen. Sonen Svein Rud Gundersen (1844-1904) var ei tid professor i kyrkjeseoge ved Augsburg seminar i Minneapolis og døydde som sokneprest i Kragør. Vestlendingane tykte Kari-namnet var so stygt og fekk dei to Hemsedalgjentene til å ta i bruk den vestlandske forma Karen (OR). Med Svein Hesla og hans kone Birgit kom det til bygda eit par som vart opphavsfolk til ei sterk og kraftig slekt i Hemsedal, ei av dei merkelegaste i bygden. Birgit var syster til Ola Haga i Gol, Hagamann dei kalla. Han var kjend som ein stor skrønemakar. Ei av skrønene hans var ei vandreskrøne som er kjend vide ikring: Han møtte ein gråbein ute i skogen ein dag. Han kom imot han med gapande kjaft. Men Hagamann stakk armen inn i gråbeinkjaften so langt at han fekk tak i rova på udyret og tok so og vringde gråbeinen. Aret etter kom han over gråbeinen att, og då var han hyv aksent på utsida. Denne skrøna gav han til beste eingong han skulde kappljuge med ein valdres. Ved eit anna høve fortalde han at han hogde ei ovstor grøn burtpå Sudnliåse. Ho var so lang at ho nådde like burt i Dagali (over ei halv mil): «Det vart 11 tyli bjelka or'n. Stuvten tørveia e. o då tørva hadde grasbønde se, brukte e stuvten te heimstøl!»

Anders Mehlum, som for so mykje i Hallingdalsbygdene, fortalde ein tradisjon som han hadde hørt på Gulsvik etter den kjende Ringeriks-raringen *Synger-Hans*. Ein av sønene til Anna Kolbjørnsdotter på Norderhov fekk ein son utanom ekteskap

Kolbjørn heitte han - som vart stamfar til ei slekt som har greina seg til mange bygder. Mehlum nemnde gardar som Gulsvik, Evjen og Hovtun. Og Birgit var av Hovtun-slekta. Soleis skulde Ålrustslekta alto nedstamme frå Anna Kolbjørnsdotter. Kolbjørnnamnet har halde seg i ætten. Endre og Birgit hadde ogso ein son Kolbjørn, som døydde ung. Prost M. i. Færden (1836-1914) granska etter denne saka i kyrkjebøkene den tid han var prest i Norderhov, men det var ingenting som stadfeste tradisjonen etter *Synger-Hans*.

Svein Ålrust var lang på vokster og vart kalla Lange-Svein. Mange av slekta har hatt dette ættrdraget. Borna til Svein og Birgit: Ola 1808-85-77 bonde på farsgarden, Ingebjørg 1809-76-67 g m Embrik Gunvaldgarde, Endre 1810-89-79 bonde på øvre Ullsåk, Ola d.y. 1813-98-85 fekk halve garden, Ingerid 1815-91-76 g 1841 m Ingvar T. Grøv, Kristi 1821 g m Tore Gølberg i Gol og budde der, Birgit 1823 g 1844 m Ola Nilsson Brekke i Gol og budde der, Narve 1827-95-68 bonde på Jordheim, Kolbjørn 1829 som d ung. - Matrikkelen for 1819 har som eigar av øvre Ålrust Svein Endreson, og garden er skyldsett til 5 1/2 løbel. - (Om Nils, eldste son til Birgit Brekke, er det fortalt at han vart glad i ei gjente som heitte Liv Sørbølhaugji. Men Brekke-folket vilde ikkje veta av Liv, for Sørbølhaugen var eit småbruk mot Brekke. Då ga Nils ein god dag i odelsgarden, tok Liv j81ed seg og drog til Amerika. Der fekk han seg ein gild farm og vart ein rik mann. Ikr. 1887 var han heim att ein tur.) Gutane i Ålrust dreiv med fehandel dådei vart vaksne og før dei fekk seg gard.

I 1843 delte Svein garden mellom StoreOla og VesleOla. Den eldste (Store-Ola) fekk hovudbølet. Ved sida av garden dreiv han ei tid skysstasjon og gjestgjeveri med tilseiingsrett på andre gardar om fleire folk trong skys. Han vart av den grunn kalla «Gastgjevaren», og like eins borna hans:

Gastgjevar-Svein, Gastgjevar-Olaug. Ola vart 1840 g m Guri Toresdr Li frå Gol, d 1884 ca 68 år gamal. Ho døydde brått. Gikk og sopte golvet. Ferdig med det, kasta ho soplingen og Ia seg burtpå dragbenken. «No kunne de sope gølvem som vil,» sa ho. Sidan knatt det ikkje meir i henne. Ho var slokna. Ola derimot låg til sengs fleire år før han dø. Borna til Ola og Guri: Svein 1841-1920-79 bonde i Ålrust og på Åse i Nes, Birgit 1844 g m Lars Olson Jordheim, Tore 1848 rta, kom heim att og budde på Nes, ugift, Olaug 1852-53-1, Ola 1854-55-1, Olaug 1856-1917-61 g 1884 m Ola Olson Steinsgard d.y. i Gol, (dei budde på Ellbjøro i Gol. Svein fekk garden, g 1869 m Olaug Arnesdr Eikre. I 1886 selde dei Ålrust og fekk Åsen i Nes, barndomsheimen til Olaug. Borna til Svein og Olaug: Ola 1870 budde «uttafør» (dvs. utpå bygdene), Guri 1872 g m landhandlar Ola Nymoen på Nes, Arne 1874, Ola 1877 g 1924 m Mari Trulsdtr Buøyn i Flå, Ivar 1880, Kari 1883, Birgit 1886. Svein selde Ålrust til Endre Olson 1853-1930, syskenbarnet sitt, for kr. 10000. Endre vart i 1887 g m Margit Aslesdr Torset 1862-1935. Etter gard delinga i 1843 hadde eigarane ein del åker og eng om einannen, difor vart det ny utskifting ikr. 1915. Endre fløtte då husa sine litegrand sørover. Den gamle stugu vart seld til doktor Nils Roede i Bubakka, og Endre bygde två nye stugu og uthusbygning. Kommunemann. «En notabel mann i bygden. Lykken har været ham huld. Jeg tror det er få mennesker som har sett så mange av sine ønsker oppfylt» (HF). Endre selde ein lut av stølsvollen sin (på Grytestøle) til skipsreiar Camilla Eitzen, som bygde sommarhytte der, visstnok den fyrste hytta som vart bygt i Sørbygden: *Fjellheim* 52-22, sea kjøpt av skipsreiar A. O. Lindvig, som atter selde henne til apotekar Johs. Flood, alle Oslo. Noverande eigarar er borna til Flood, Sten Flood og Tilla Holtermann. Borna til Endre og Margit: Margit 1889-1965 g 1918 m Ola Arneson Finnset, Margit 1890-1948, ugift, budde i Asker i mange år der ho og Asle, bror hennar, dreiv ein frukt- og bærhage i mange år, og døydde der, Ola 1894 bonde i Ålrust, Asle 1896-1964 g 1934 m sjukesyster Marie Hesjedal frå Bergenskanten, dei budde i mange år i Asker, ingen born, Svein 1899-1950. Svein tok eksamen som nr. 1 ved Landbrugshøjskolen (havebrugsavdelingen) i København 1924, var så ei tid gartnar hjå skipsreiar Lindvig på Bygdøy, sea tilsett ved Gartnarhallen i Oslo. Vart g m Edle Nilsen frå Ulefoss 1929. Dei budde i Asker og hadde tre born, men två døydde i ung alder. Svein og eg gikk for presten sama året. alt då merkte han seg ut som ein stø, sindig og omtentk ungdom på leiting etter ein fast livsgrunn, og dette alvorsdraget kom meir tydeleg til syne etter som tida gikk. Han var ikkje sterk med helse, og det gardsbruket med frukthage som han forpakta ute i Asker, vart for stridt for han å stelle med, difor søkte han seg ein lettare jobb på Gartnarhallen. Ei stor sorg for han og kona var det då dei miste den eine guten, som berre var skulegamal. «Så svært å sjå dei lide slik,» skreiv han til meg i eit brev. Svein døydde på Ullevål sjukehus og vart gravlagd på Ullern kyrkjegard hausten 1950 (OR). Ola fekk farsgarden g 1921 m Guro Larsdr Eikre. Var ordførar 1935-41 Frå 1941 til frigjeringa var både ordførar og heradsstyre oppnemnde av NS. Frå frigjeringa 8. mai til 22. juni var heradsstyret suspendert, men so skulde den tidlegare ordføraren og heradsstyret ta over att sin gamle funksjon. I mellomtida vart kommunen styrt av eit *styre* med Narve Jordheim som formann og Ola Finset og lensmann Bitustol som medlemmer (jfr. s. 27). Ola Aalrust var altso lovleg valt ordførar 1935-41 og frå 22. juni og ut året 1945. Har og vore mykje med som skjønsmann ved ymse vassdragsreguleringar. Fekk Kongens fortentstmedalje 1972. Bygde ny stugu 1943 og selde ei av dei gamle til hytte på Blomesletta. Dyrka upp mykje jord på heimmeeigedommen og i slåtta ned på Strendo. Born: Endre 1922, landbruksskule, bonde i Ålrust, Lars 1927, ingeniør hjå Astrup & Aubert, g 1957 m sjukesyster Margit Nilsdr Holte gard frå Gol, dei bur i Bærum, men har hytte på Grytestøla (born: *Ole* 1958, *Nils* 1960, *Kari* 1963), Olav Magne 1930 lektor ved Hamar lærarskule, g 1964 m Marit Hytta frå sauland i Telemark som ogso er lektor (born: *Margit* 1965, *Guro* 1969, *Endre* 1973), Margit Marie 1936 var lærar i Beiarn, Nordland, og vart der g 1957 m post og skipsekspeditor Per Øynes, dei fløtte sea til Asker (born: *Øyvind* 1957, *Hilde Gunn* 1973). Endre overtok garden 1956. Er med i heradsstyret og har hatt mange kommunale verv. Har bygt ny driftsbygning heime og nytt fjøs på stølen, två utleiehytter på kjøpte tomter og har dessutan dyrka upp mykje på stølen både til slått og kulturbeite. I 1961 kjøpte han og två av Jordheims-bøndene fjelleigedommen *Lægret* nordafor Kvannegrøa, omlag 5000 mål. Og i 1972 kjøpte han den nedlagde heimstølen til søre Skølt sunnafor Ytrekjedne (ut for Gravset) som i lang tid hadde vore brukt av Pålhuso. - Endre vart g 1955 m Birgit (Bibbi) Holtegard frå Gol f 1930. Ho er dotter til Nils Brekke g m Kari Haugstad, og oldemor hennar var komen frå Ålrust. Ho heitte Birgit f 1823 og vart g m Ola Nilsson Brekke, og frå dei åtta den vidgreina Brekkeslekta. Borna til Endre og Bibbi: Gro 1956, Ole Nils 1959.

Nørdre øvre Ålrust

Gnr 52, bnr 1, lnr 558 a. I øvre Ålrust Nordigarde. Skriv seg Aalrust

Ola Sveinson d.y. 1813-98-85 var den fyrste bonden her etter garddelinga i 1843. Han fortalde (til HF) at han snakka med enkje Birgit Ivarsdr Lien om gifting. «Men e va kji auig te koma der,» sa han (det var ikkje so lykkeleg laga at eg skulde koma der). I 1844 vart han g m Margit Sveinsdr Ullsåk 1826-

1915-89 og fekk med henne ei dugeleg medgift. Han var ein forsiktig og sparsommeleg mann, human og ærleg i sin tenkjemåte. Var rimeleg på renta av uteståande pengar, og hadde han noko å selja, tok han ikkje meir enn almindeleg betaling, endå om tida og tilhøva var slike at han kunna ha stramma prisen. «Signet være hans minne! Han var av den gamle, gode hemsedalske typen som ikke ble stor av sine penger, men kunne holde seg nede ved jorden» (HF). Endå det var velstand i heimen, vart Iyen vant til arbeid og sparsemd. Som døme på dette kan det nemnast at sonen Endre i 18-års alderen drog foret for Ola Palhuso frå stølen og heim. Det er over ei halv mils veg. Han greidde två lass om dagen og hadde 8 skjeling lasset, ei dagsløn på 16 skjeling, og det syntest han var god fortенest. alle dei seks sønene var fehandlarar som faren. Og tre av døtrene vart gift med fehandlarar. Så huslyen kunna visst ha teke ei ku til våpenmerke! Gløgge folk til å passe sine interesser! (HF). Ola og Margit fekk ein stor barneflokk: Svein 1845-1922-77 fekk farsgarden, Svein 1847 bonde på Jordheim, Ola 1850 g 1884 m odelsgjente Ingebjørg Nilsdtr Eiklid i Gol f 1865, Endre 1853 bonde i Ålrust 52-2, Birgit 1856 g 1) m Herbrand Grøto og 2) Sjugurd Grøto, Margit 1859 g m Arne Tuv på Ullsåk, Ingebjørg 1860-61-1, Ingebjørg 1863 g m Sjugurd Tuv på Kyrkjebøn, Jon 1866-1913-47 g 1896 m Margit Persdtr Grøv, dei budde på Nørdreli i Gol, Jon døydde av kreft, Ola 1869 budde på Ullsåk og Grøterud. - Då Margit døydde i 1915, hadde ho 8 i live av ein barneflokk på 10, var bestemor til 60 (10 var døde) og oldemor til 49 (4 var døde). Svein d.e. fekk garden, g 1875 m Sigrd Persdtr Grøv 1850-1909-59. Sigrd var svakeleg dei siste åra, men greidde stellet sitt. Om kvelden den 4. mars 1909 gikk ho og snugga som vanleg. Vilde setja ein kopp mjølk burt i løkhylla. Då seig ho brått ned og var død. saknet var stort både i huslyn og i grenda, for Sigrd var ei kvinne alle sag upp til. Det er somme menneske som har den fyremunen at dei blir godt omtykte berre på grunn av si framferd. Dei ha ei god kome, som det heiter. Sigrd åtte denne evna. Svein på si side var eir. meinlaus mann i gard og grend. Av den ekte gode typen. Ein stillfarande mann som det følgde fred med der han kom. Stilsleg var ogso avferda. Tyrsdag kveld 10. januar 1922 la han seg til sengs som vanleg. Om morgonen syntest husens folk at han sov so lenge. Dei gikk burt og snakka til han. Dei hørde han sov, men fekk ikkje vekt han. Klokka 9 slokna han. - Barneflokken til Svein og Sigrd: Margit 1876-1957 g 1896 m Ola K. Langehaug, Margit 1877-1919 g m Ivar R. Eikre, dei rtA, Ola 1879-1976 fekk farsgarden, Birgit 1881-1908-27, Per 1884-1919 rtA, sette livet til i ei jarnvegsulykke, Svein 1896 rtA, var heim att ein tur, Sebjørg 1889-90-1, Sebjørg 1890 d, Knut 1893-1963 rtA, ugift, Olav 1896 rtA, var heim att i 1963 og 1965. Om dottera Birgit og hennar tunge livslagnad fortel HF: «Som hennes lærer forsto jeg hvor hun lengtet ut «over de høye fjelde». Kom til Notodden lærerskole. Ble syk av lungebetennelse. Måtte slutte skolen. Kastet fra den ene sykdommen til den andre. «Mellom aktene» tentes hugen på nytt til å bli lærerinne. Var med i arbeidet for ungdomssak og avholdssak. Således gikk det i flere år. En nyresykdom endte hennes liv 16. mars 1927. Trist skjebne: føle kallet, ikke nå fram, knuges ned av sykdom midt i livets vår. Hvorfor skal så mange oppvakte, lengtende ungdommer måtte gå bort så tidlig Som smågjente sa hun en gang til sin mor: «Nå e døytt, so hatt de kji nokon Birgit då!» Annet rart så hun også, så moren alt da sa at Birgit blir ikke gammel. Og Sigrd ble sannspådd.» Ola fekk garden, g 1911 m Kari Rasmusdtr Eikre d.y. 1892-1976. Var fehandlar i yngre år. Dugande bonde. Dyrka upp mykje heime og på Strendo. Bygde nye uthus og bustadhus. Kommunemann. Sette uppatt den gamle stugu på Stølen til hytte for borna: Svein 1912 har garden, Sigrd 1913 husstellarar på Skreia, Rasmus 1915 sjukleg, var med i krigen 1940, Bjarne 1917 handelsgymnas, kontorsjef ved fabrikk som broren driv i Oslo, g 1941 m Aslaug Larsen frå Vinger, Gunnar 1921 disponent for Stantek, Oslo, g 1946 m Ingrid Mathisen frå Holmestrand (born: *Oddvar* 1949, *Bjørn* 1950), Arne 1923 rtA 1947, g 1958 m Ileana Hektoen av norske foreldre, bur i Chicago og arbeider i bygningsfaget, Born: Carrie Ann 1955, Susan 1957, Mark 1960. Guro 1925 laboratoriesyster ved Rikshospitalet g 1958 m typograf Arne Arneborg i Oslo. Born: Sigstein 191960, Anne Kristin 1964. Olav 1932 teknkar, rtA 1960, driv med husbygging. - Ola selde nørdre Grytestølen til skipsreiar A. O. Lindvig (jfr. 52-2). Svein tok over garden 1945. G 1940 m Margit Knutsdtr Øynelien frå Gol. Har dyrka upp mykje på eignedomen. Kommunemann. Born: Oddbjørn 1950, landbruksskule og folkehøgskule, g 1972 m Tove Embre, har bygt åt seg på Imre og arbeider hjå Hemsedal Maskinlag, Kari Borgny 1952, realskule, folkehøgskule, utdanar seg til sjukepleiar. Ålrust eig ikkje lenger dei store viddene nede i skogrnørken. Det går ei søgn om at ein juledag gikk ein av bøndene i Ålrust nordover til Ullsåk. Der vart han med i eit drikkelag, og drukken som han var, selde han nedre luten av alle Ålrustskogane (kontrakta skal ha vore skriven i 1692 eller 1694). Eigarane av skogen vart Ålstveit, Intelhus, Hallbjørshus, Løkji, øvre Ullsåk og dei bruka som er utskilde frå desse gardane. Dei två nørdre Grøvsgardane fekk luten som fall på Grøvsbakkjin. Dessutan fekk Mørken, båe Hjelmengardane, Ron og Harahaug skog der. Somme av desse skogstykkka er seinare fråselde til andre. Norda ålrustmørkji og nedafor Skølt, frå Harahaug nordover til Gravsetbekkji, ligg den sokalla Nordbygdingsskogen som for ei tid sea vart delt mellom øvre Tuv, Mørk, dei fire gardane i Skøltegrenden, Intelhusbakko, Hensrud, Huso, Engjo, Jorde, Intelhus-, Hallbjørshus- og Løkjisgardo, Grohaug, Prestegardhuso og øvre Ullsåkgardo. Det heiter at skogen har tilhørt Ålrust og følgde som

medgift med ei gjente som vart gift til Tuv, sea gikk han i arv eller vart seld til andre gardar. - Markegardsmørkji nordafor der att gikk frå Gravsetbekkji nord til der vintervegen gikk upp att synst på Gampemyrn. Eigarane her er grenda frå Markegølo til øvre Ullsåk (ikkje nedre Ullsåk). Nord for vintervegen - «nordpå Svøo» er det grenda Ålstveit-Løkji som eig.

Søre nedre Ålrust

Gnr 52, bnr 5, lnr 559 a.

I nedre Ålrust Sygarde(eller Systugun). Skriv seg Aalrust.

Nedre Ålrust var *ein* gard til 1800, då vart han delt i två (52-5 og 52-6), og det vart gjort so vel at det ikkje har vore turvande med nokon ny utskifting, ikkje eingong etter 1890 då utskiftingane gikk som ein farang over bygda. Nedre Ålrust ligg i sørhalla på åsryggen mellom Årustbekkji og Kvednabekkji (somrenn ned nordafor). Sy garden har langstøl på Nygjerdun og Nordigarden på Nystøle sørupp for Grytevatnet. Båe namna fortel at langstølen for nedre Ålrust må ha vore ein annan stad frå fyrst av. Heimstølen til 52-5, som no er nedlagd, vart kalla *Brynhild.stølen* etter kona Brynhild Ålrust, som døydde i 1693. Det er det fyrste dødsfallet som er innført i kyrkjeboka for Nes prestegjeld (Nes, Gol og Hemsedal var då eitt prestegjeld). Det andre innførde dødsfallet for 1693 er Asle Grøndal. For 1694 og 95 er ingen innførde. - Ei haustnatt romsterte bjørnen ute blant bølingen på Brynhildstøle. Søgna seier at Brynhild tok børsa og skaut etter bjørnen gjennom gluggen i bu veggen (dei hadde gluggar istaden for glas i gamal tid, allvisst i mjølkebua, som skulde vera kald). Ho sag ikkje at ho råkta, men ei tid etter fann dei ein dau bjørn i ei myr nedafor stølen. I skattematrikkelen for 1647 finn ein Øystein Ålrust som eigar av Ålrust, skyld 5 1/2 løbel, i manntalet 1664-66 kalla østen Heljesøn, og i panteboka finn ein Eivind Øysteinson som eigar 1686, det er truleg sonen. Den 14. april 1704 er det skifte etter Eivind, kona hans, Margit Torsteinsdtr levde til 1728. Ola Markegølo og Torstein spre Eikre er vurderingsmenn ved skiftet. Av buet blir det m.a. nemnt 17 storfe, 30 småkrøter, 1 blakk hest (til 4 rdl), 1 svart hest (7 rdl), not og båt (6 rdl), 13 fiskenet. Buet var skuldig Bjørn Hallbjørshus 70 rdl, Bjørn Frøysak 6, Ola Eikre 10, Ola Gølberg 1, Embrik Brandvøl 1, Ola Marke gøla 1. I nettosum hadde buet 119 rdl. Borna til Eivind og Margit: Torstein bonde i nedre Ålrust, Øystein bonde i søre Skølt, Sunnev d fyre 1728. Torstein fekk garden. Vart g m Jørønd Gudtormsdtr og hadde desse borna: Margit 1701 g m Reiar Helgeson i Lykkjun, Ivar 1703 g m Margit Olsdtr, bonde i Ålrust, Eivind 1705, Gudtorm 1708 g 1735, bonde i Eikrehaga, Rangdi 1710, Gunhild 1713 g 1749 m Asmund Ivarson Embrikgarde, Tore 1716. Ivar fekk garden. Han og Margit hadde: Torstein 1735 bonde i nedre Ålrust, Ola 1738 g 1766 m enkje Birgit Eiriksdr Grøv Torstein vart g m Gunhild Knutsdtr. Ho døydde i 1805, oppgjeven alder 68 år. Dei hadde: Ivar 1762 bonde i Ålrust og Lykkjun, Knut 1765, Guri 1768, Margit 1772, Ola 1776, Øystein 1777, Margit 1779, Øystein 1780, Halvor 1784. Ivar, som i 1774 vart g m Guri Eiriksdr, budde dels i Ålrust, dels i Lykkjun. Dei hadde: Barbo 1785, Torstein 1787, Eirik 1789, Gunhild 1792, Halvor 1795. - Etterpantebok nr. 15 for Ringerike og Hallingdal sorenskriveri overdrog Herbrand Løkji «Lyeken i Hemsedal» ved makeskifte 18. oktober 1787 til Torstein Ivarson Ålrust. (Det var truleg Grøvgarden.) Torstein selde att «Lyeken af 2 Skinds Skyld» til Tore Olson Hippe frå Valdres for 391 rdl i 1788. Vidare melder panteboka at «Lyeken med Bøgsel og Herlighed af 4 Skin ds Skyld» er pantsett til Herbrand Løkji av har, son til Torstein, den 18. oktober 1788 for 298 rdl. Og i 1791 blir «Lyeken af Skyld 2 Skind» selt til Herbrand Løkji. Herbraud Løkji f ikr. 1752 d 1826 var frå Mehus i Hol. Han vart g m Barbo Andresdtr f ikr. 1735 d 1819, enkje etter Svein Olson Løkji. Dei fløtte til Ålrust i 1788. lodelsmanntalet for 1805 står han som eigar av Ålrust, skyldsett til 5 1/2 løbel. Han vart ein velstående mann, ein riking i bygden (jfr. «Hemsedal» s. 55/64). - I 1793 selde Herbrand halve garden - søre nedre Ålrust - til versonen Knut Person øvre Ålrust, som var g m hans styvdotter Anne Sveinsdtr Løkji. Knut skulde svara ein svær livauere: fø 5 kyr og 10 småkrøter, skaffe 3 tunner korn, varmt hus og det medstell dei kom til å trenge. Nokre år etter (1800) overlet han den eine halvparten av garden - venteleg nordre nedre Ålrust - til sonen Svein for 499 rdl. Og i 1820 fekk Svein ogso skøyte på den andre halvparten - venteleg søre nedre Ålrust - av far sin. Herbrand må ha kjøpt att garden av Knut, som truleg var lei av å svara so svær livauere. Knut budde på Intelhus seinare. Svein, son til Herbrand, vart g m Ragnhild Andresdtr Hesla (som døydde i 1873, oppgjeven alder 97 år), syster til Svein øvre Ålrust (Lange-Svein). Svein var noko kuldren i mælet når han prata, og av den grunn vart han kalla Kuldre-Svein. Herbrand, far hans, hadde samla rikdom, Svein derimot spreidde han att. Drakk og dusa. Det gikk etter ordtaket: «Ette ein samlar kjem det ein spreidar!» Faren sa det til han: «Du lyt snart te tiggji, du!» Og han Svein svara: «Nå e ska tiggji, so ska du far køste me sylkjipøse o sylvhølka stav!» Og Svein laut tigge, ikkje i Hemsedal, men i Sogn, og tiggjarposen vart av raggety. Det fortelst at eingong han var til Drammen med varelass, drakk han upp heile fortene. Han brukte 100 dalar frå han reiste frå Drammen og til han kom åt Hokksund. «Men då levde e gødt med, då,» herrnde dei etter han. Han vanka mykje utanbygds etter at han laut fara rundt og «be seg». På ein av desse turane døydde han, men ingen veit kvar. Svein og

Ragnhild hadde 12 born: Herbrand 180394-91 bonde i nørdrø Skølt, Barbo 1802, Ingerid 1804, Endre 1807, Ola 1809, Rangdi 1810 g 1847 m Ola Olson Perhus (hadde før sonen *Torleiv* Knutson 1841), Knut 1812, Ola 1814-44-30 g 1841 m Birgit nedre Huso, Andres 1816 g 1836 m Kari O. Eikre, Asle 1818 g 1834 m Guri Sjugurdsdtr nedre Huso, Anne 1820 g 1844 m Torleiv Gladhus, Kari 1824 g 1852 m Mekkel Torleivson Jondale. - Svein måtte gå frå farseigedomen. Fyrst selde han søre garden, som Ola Trinterud frå Ål fekk skøyte på i 1824, og i 1830 blir nørdrø garden selt på auksjon til sonen Herbrand, som seinare bytte gard med Bjørn Toreson Skøltedøkken og fekk 200 rdl i mellomlag. Herbrand tok undå ei slåtte ned på Strendo. Etter at Herbrand hadde vore i Døkken ei tid, vart han eigar av nørdrø Skølt og budde der. Ola Trinterud døydde i 1858, oppgjeven alder 80 år. Han var g m Margit Aslaksdtr Breie, som døydde i 1882, oppgjeven alder 87 år. Dei hadde borna: Eirik ca 1815-1911 -96 hadde garden, Gunhild 1825-98-73 ugift, døydde i Jodøkk, Sissel 1828-1913-85 g 1869 m Knut Grøteteigji, Ola 1832-57-25 ugift, Liv 1835-1920-85 g m Nils Jodøkk, dei rtA. Eirik fekk farsgarden. Han vart i 1857 g m Birgit Knutsdtr Rakel-Ro frå Gol. Ho døydde 1911, oppgjeven alder 84 år. Eirik var saktferdeleg i all si ferd. Dei siste åra var han halt og gikk med stav. Born: Ola 1857-1941 hadde garden, vart vanlegvis kalla Eirik-Ola av bygdefolket (å kalla sonen etter faren på denne måten er noko ein ofte støyter på i gamal tid, det vart gjerne gjort når faren merka seg ut på eit eller anna vis), Margit 1859 d, Margit 1859 g m Truls Glesne i Krøssherad, d 68 år gamal i 1928, Birgit 1861 og Rangdi 1864 reiste båt til Amerika, men fall burt noksa tidleg, Oline 1867 g m Sjugurd på søre Hjelme, Sigrid 1870-73-3, Sigrid 1873-1903 -30 g m Sjugurd på Søre Hjelme (hans fyrste kone). Ola fekk garden, g 1887 m Anne Knutsdtr Grøto 1862-1951. Dei hadde borna: Eirik 1888 hadde garden, Birgit 1890 g m Bjørn Svarteberg i Krøssherad, Knut 1892-1944 g m Elise Pedersdtr øygard i Krøssherad, slo seg til der som skreddar, Ola 1894 stasjonsmeister ved NSB, no pensjonert, g 1925 m Ester Marie Syversen frå Moss, dei bur på Jaren (born: *Erik Ola* 1925, matematisk-naturvitenskapeleg embetseksamen ved Oslo Universitet 1952, no forskningssjef ved eit internasjonalt konsern i Frankfurt am Main, g 1959 m Barbel Cauard, dei bur i Darmstadt, Tyskland, *Per Otto* 1931 teknisk høgskule i Darmstadt, no diplomingeniør ved same konsernet som broren, g 1957 Mina Cauard, bur Darmstadt), Liv 1898-1937, d av hjerne betennels, ugift, Margit 1901 sjukesyster, arbeider på ein pleieheim i Drammen. Eirik fekk garden, g 1917 m Anne H. Flaten f 1893. Dugande bonde og flink handverkar som har arbeidd garden mykje fram, og det meste har han gjort sjølv. Før han tok over garden, var han mykje burte på byggingsarbeid. Heime bygde han ny stugu, nye uthus og stølshus. Har dyrka opp mange mål jord. Fekk ha ei god helse opp i sin høge alderdom. Få kan sjå attende på ein so lang og trufast arbeidsdag gjennom livet. Borna til Eirik og Anne: Ola 1919-71 landbruksskule, bonde i Ålrust, Anne 1920-51 vart 1945 g m Thomas K. Bjerkheim, Birgit 1924 arbeider i Oslo, Olga 1927 sosialutdanning, har arbeidd i Stockholm, men er no på Jevnaker. Ola overtok garden i 1954. G sama året med Anne K. Grøthe Hallbjørshus f 1918. Han bygde ny stugu 1953 og dyrka opp 10 mål fastmark. Den gamle stugo vart seld til C. B. Olsen frå Oslo, som fekk kjøpt tomt nær ved Nygjerdø og sette stugo opp att som hytte der. Ola var ein klok og skjønnsam kar, som bygdefolket sette stor pris på. Han var m.a. formann i skulestyret i mange år og formann i bygdeboknemnda. Til vår store sorg fall han fråsu altfor tidleg. Anne har framleis garden, men har kvitta seg med buskapen og leiger burt slåten.

Nørdrø nedre Ålrust

Gnr 52, bnr 6, bnr 559 b.

I nørdrø nedre Ålrust. Skriv seg Aalrust

Ragnhild, enkja etter Kuldre-Svein, fekk litegrand livauve frå denne garden. Svein, bror hennar, i øvre Ålrust (52-2) hjelpte henne til dette. Som ovanfor nemnt, bytte Herbrand, sonen, gard med Bjørn Ullsåk, som budde i Skøltedøkken og no fløtte til Ålrust. Bjørn 1776-1864-88 vart g 1819 m Kari Olsdtr Kyrkjebøn 1794-1858-64. Han var ein personleg ven av Hans Nielsen Hauge. Torleiv Hjelme fortalde at Bjørn var på stølen (Nystølen) dei siste somrane han levde. Han rusla etter stølsvollen med toppluve på hovudet og bunding i hendane. Å gå med bunding hadde han lært av Hauge, seiast det. Elles var det kvinnfolka som gikk med bunding, det var ikkje karmannsykke. Om Bjørn blir det elles fortalt ei løgleg historie: Ein vår han sto og arbeidd med ein slipesteinskrakk på Nystøle, var han so uheldig at han hogg seg i handa. Han gikk og fesla seg, og so sa han: «E får nøkk ut att o gjera dette tå, e.» So gikk han ut og tok til å telgje på krakken att. Og dermed so hogg han seg i handa på sama stella. Bjørn og Kari hadde borna: Tore ca 1821-83-62 hadde garden, Ragnhild 1828 d ung, Ragnhild 1834-1909-75 g 1852 m Bjørn Tullehuso. Tore fekk garden. G 1847 m Ragnhild Eiriksdr Haug 1824-1855-31. Dei hadde: Kari 1848-1902-54 fekk garden som odelsgjente, Sigrid 1851 g 1878 m Torleiv Ingvarson Grøv, Kari 1853 døydde etter ein halv time, Kari 1854 levde berre ein time. Kari vart i 1869 g m Per Sjugurdson Grøto 1835-1912-77. «Var alle som Per Sjugurdsen, var det meget bedre å leve i verden enn det er. savidt jeg kjente ham, levde han etter det Josefs ord: Hvorledes skulde jeg gjøre denne store ondskap og synde mot Gud! Tore Bjørnsen hadde arvet noget av haugianismen etter sin

far, og Per kjente den fra foreldreheimen. Kari døde av hjernebetennelse, Per av magekreft» (HF). På Nystøle fekk kjøpmann Gustav Nilsen frå Oslo kjøpt seg tomt og bygde hytte. Eigar no er familien Ramstad. Borna til Per og Kari: Tore 1872 d, Ragnhild 1874-1954-80 g 1898 m Knut Rundtupp, Tore 1876 d, Tore 1877-1963 bonde i Ålrust, Ingerid 1880-1961 (dotter: *Kristine* Jensdtr 1912-20-8), Margit 1883-1974 g 1918 m Endre Ullsåk, Sjugurd 1885-1928-43 rtA og døydde der, [Karoline](#) 1889-1962 g 1913 m Lars Kirkerud i Slemmestad f 1886 (born: *Gustav* 1914 med kone Randi f 1915, fire born, *Elise* 1916 g 1) m Olai Rønning, fem born, 2) m Andreas sagbakken, *Peder* 1919 med kone Mimmi f 1921, to born, *Ingrid* 1921 g m Ola Langedard i Vats f 1920, tre born, *Ragnhild* 1925 g m Lillo Melkersen f 1920, to born). Sjugurd Ålrust hadde gjevnad for teikning og godt handelag som snikker. I Amerika dreiv han som byggmeister. Før han reiste dit, var han med i ungdomsarbeidet og skreiv ymse småstykke og vers i det handskrivne bladet «Heimkjær», som ungdomslaget «øygardskrullen» gav ut. Om Birgit Ålrust dette minneordet: Ho stridde for «krullen» so åpen, og «Heimkjær» var hennar kjæraste våpen. Ho styrde og laga vårt «Heimkjær» godt, det kunna gje næring i stort og i smått. Takk for dei ord te «Krullen» du ga! Takk for ditt arbeid du her skal ha! Takk for den glede i «Krullen» me fekk, med glede frå møto den gongen me gjekk. Den 16. mars te kvile ho gjekk, den beste løne si då ho fekk. Te fullnars me syngje no just at me åtte ho Birgit Ålrust. Tore fekk garden. Var ein stillfarande, fredsam mann liksom faren. Bygde ny stugu og nye uthus og dyrka upp ein god del jord. Han vart g 1912 m Margit Sveinsdtr Hallbjørshus 1886-1960. Born: Peder 1913 har garden, Kari 1916 er heime, Svein 1917 snikker og bygningsarbeidar, g 1950 m Gunbjørg Lauvdokken i Gol og har eige hus der (born: *Anne Marie* 1950, *Torbjørn* 1951, *Kjell* 1953, *Salgunn* 1958), Marie 1920 g 1961 m Knut K. Lauvdokken i Gol, Torbjørn 1921 anleggsarbeidar og seinare snikker på trevarefabrikk, har eige hus ved Kyrkjebøn, Ragnhild 1924 sjukesysterutdanning, misjonær i India for santalmisjopen (har vore ute to bolkar: 1961-66 og 67-69), i tenest på Bygdaheimen no, John 1926 kontormann hjå Per Kure A/S, Oslo, g 1965 m Dagny Helene Prestsæteren frå Hadeland, dei har fått ei tomt ved Nystølen og bygt seg hytte der 1966, Birger 1928 har mellom anna vore på kvalfangst i Antarktis og hatt hyre på «Bergensfjord» DNA. Per tok over garden 1945. Har dyrka upp mange mål ned på Strendo ved Heimsil. Bygde nytt bustadhus 1960. Den føre stugo vart selt til hytte på Toregarde i Lykkjun, den aller eldste hadde overlærer Sørensen i Bubakka kjøpt. Til nørde nedre Ålrust høyrde øydebruket *Rane* nede ved Åne, som vart nedlagt for lenge sea.

Pålhuso

Gnr 52, bnr 7, lnr 559 c. i Pålhuso.

Bruket ligg i skogen straks ned for nedre Ålrust. Lenger ned Mørkji, Mørk og Harahaug, og nedmed Heimsil Hjelmegardane og nokre nyare bustader. Den fyrste som bygde og budde i Pålhuso, skal ha vore Pallngvarson Langehaugji 1775-1836-61 som seinare kom til Jodøkk. Kan hende har garden namn etter han. Han vart g 1) 1804 m Eggjerd Bjørnsdtr Ullsåk 1779-1824-45. Dei hadde: Ingvar 1808 bonde i Pålhuso, rtA, Bjørn 1812-50-38 bonde i Mørk. Pål vart g 2) 1830 m Birgit Andresdtr Mørk d.e. ca 1807-36-29. Dei hadde: Andres 1834 d, Andres 1836. Sonen Ingvar fekk garden g 1836 m Harbo Hansdtr Reiarletten f 1808. Dei rtA frå Harahaug 1845. Born: Pål 1837 d, Ingebjørg 1839, Pål 1842, Anne 1845. So kom Knut Sveinson nedre Ålrust til Pålhuso. Han vart g 1837 m Birgit Andresdtr Mørk d.y. f 1813: Ragnhild 1837 g 1860 m Gunnvald Grøvargarde, Svein 1841 og Andres 1843 som bae rtA, Margit 1847, Ola 1850, Ola 1854, Herbrand 1857-58-1. - Omkring 1848 fløtte huslyden åt Grøvargarde i Lykkjun, med di dei bytte gard med Sjugurd og Kristi Skøyte, som da budde i Grøvargarde. Dette ekteparet var i Pålhuso nokre år, men fløtte so åt Fløgo. So vart Pålhuso kjøpt av Ola Helgeson Høllemoe 1825-1913-88 g m Rangdi Jonsdtr Hallen 1828-1903-75. Ola var ein alsidig beidsmann og omtentk jordbrukar. Born: Marte 1858 d, Marte 1860 g m Anfin Døkhn, Jon 1863-1881-18, Helge 1867-1946 hadde garden, Svein 1870 bonde i Høgehaugji, rtA, Birgit 1873 g 1918 m Ivar svarteberg. - «Sønne Jon fulgte meg med skoleinventaret til Lykkja høsten 1880. Vi gikk på isen over vannene. På Storevatnet litt syd for Svarteberg datt han gjennom isen, men. kom seg opp: Han. ble gående våt til Lykkja og siden heim, skjønt det var koldt. Ble snart syk. Bestnet til, men ble syk igjen i april og døde» (HF). Helge fekk garden, g 1894 m Halldis Olsdtr Uppheimsjorde frå Tørpo. Ved sida av gards arbeidet dreiv han mykje som timremann og skogsarbeidar. Kommunemann. Var i lang tid med i styret for Kommuneskogen. Helge var ein av dei leiande for de kristelege møteverksemda der han jamleg var med som talar. Tok seg mykje av dei unge. Ein gong på sine eldre dagar but han gå til doktoren for bronkitt. Ja, doktoren undersøkte han for det. «o so har e noko ilt i ein fot med,» sa han Hølgji (i bygdemalet seier dei Hølgji). «Ja, la meg se på foten,» sa doktoren. Og det fekk han. «Men foten Deres er jo av, mann!» måtte han konstatere. Det finst dei som har liten eller ingen smertesans, og han Hølgji måtte ha vore ein av dei (OR). Borna til Helge og Halldis: Ola 1895-1946 hadde garden, Rangdi 1896 g 1923 m Andres Hov frå Sogn, som d 1966, dei hadde gård i Vale, Vestfold, ei tid,

Margit 1898 g 1933 m John Hjelme, Olav 1900 drosjeeigar i Oslo, ugift, John 1902 g m Borghild Grøtting frå Ulefoss, kjøpmann i Oslo, eige hus på Fjellhamar, Lørenskog, f;mbrik 1905 d, Maria 1906 g 1930 m Lars Hjelme i Grøndale, som no har eige hus ved Trøym og bur der, Birgit 1909-64, var lenge heime og hjelpte Ola, bror sin, deretter ymse arbeid i Oslo der ho døydd. Ola tok over garden 1926. I 1941 vart han g m Guri T. Fekene. Dei hadde ingen born i live. Ola bygde ny stugu 1928, nytt fjøs og hytte på stølen. Han var skogsarbeidar og bygningsmann som faren. Dyrka opp mange mål jord heime, på slåttane og i Harahaug. Ein stillfarande, snill kar og tru arbeidar. Han døydd av anemi berre 51 år gamal. Guri selde garden til broren Olav i 1946 og fløtte til Fekjo att og var hjå mor si ei tid. Etter nokre år bygde ho seg eige hus i Bekkjidale. Olav selde att Pålhuso til Ola H. Grøthe i 1947. Men han tok unna Harahaug, hytta på stølen og den gamle stugo heime. Harahaug selde han so i 1959 til systemsonen Asbjørn Hov, som har bygt der (sjå 52-9). Aret før hadde Oslo Lysverker kjøpt tomtegrunn i Harahaug, der det vart bygt vaktarbustader åt dei som skal stelle med kraftstasjonen Hemsil I. Medan Ola H. Grøthe hadde Pålhuso, selde han undå två slåtter ved Heimsil til, som Ola N. Mythe eig no. Han selde også den stugo som Ola timra opp i 1928, ho vart sett uppatt som hytte på Ustaoset. Han budde ikkje i Pålhuso. I 1952 selde han garden att til Lars Hjelmen. - Lars selde i 1964 stabburet og omlag 2 mål grunn til verbroren John Pålhus, som samem med systera Rangdi eig dette no. Etter at Birgit døydd, har dei osso overteke den gamle stugo der, som ho hadde fått av broren Olav. Elles har Olav overdrege hytta på Pålhusstøle til brordottera Bodil Marie f 1935. Og bror hennar, Jan Jørgen f 1933, har kjøpt hyttetomt på Pålhusstøle av Lars Hjelmen. Lars har vidare selt ei hyttetomt uttafor stølsvollen. Han har ikkje butt i Pålhuso. Det har vore øydebruk sidan 1947. Den gamle heimstølen til søre Skølt, som Pålhuso hadde hatt i lang tid, selde han til Endre Aalrust.

Mørkji

Gnr 52, bnr 11, lnr 559 g. i Mørken.

Der budde Ivar Jakobsen g 1833 m ei Guri Arnesdtr (det er uvisst kvar ho var ifrå), og var dei fyrste som rudde og bygde bruket. Ivar var son til Jakob Torleivson Ullsåk f 1766, g 1802 m Ingerid Ivarsdtr Myte f 1771, d som legdslem i Mørken 1867. Då Ivar og Guri vart gift, er han innførd som Ivar Torsætplads og ho som Guri Slettenplads. - Ivar var ein «uppe kar». Var med ein lastehandlar Broen frå Gol like til østerdalen. Kjømeister i mange bryllaup, soleis på Lauvset i 1868. Der sa han eit ord som vart ei herme i bygden: «No får de eta, gødtfolk, vøre det mitt, skulde e kji bea dikko!» - «Det er somme som uvilkårlig trekker folk til seg med en magnetisk kraft. Folk drages til dem, henger med i prat og står og hører på dem. allerede som barn har somme denne evne. De fører an i flokken. Somme ungdommer har samme evne. De angir tonen i selskaper, er foran i moro, og også i alvor når det bærer på den kant. Eldre folk har denne evnen i forretninger. Har de noe å selge, får de litt mer for det enn andre. Kjøper de noe, kan de lirke det litt billigere enn andre. Undermals og middelmådige hoder synes det er gromt å gjøre forretninger med dem. Skarpere hoder lar seg dog ikke bløffe av det. I grenden blir de sett opp til som et slags overhode. Folk går til dem og spør: «Når sko me fløta på støln» Og overhodet bestemmer dag og dato. Reiser noen før, ja så er det vonde, sleipe ord de klemmer av seg til de mindre. Selv koner aksler sitt vene skinn i sinne når de «mindre» reiser fyr: «Det æ romt o gødt ette vegji i dag!» Eller: «Det va no løgle dei ikkji kunna bie te om mondan, te me voro reiuge, lell!» Eller: «Å, slikt ha alder hendt her i verdn at me ha tura kome ette o henta upp fotefare åt dei som ha fått sprengja!» (Sprengja: Trommesjuke.) Ivar Mørken var en av disse magnetaler. Hvor han var, hang folk omkring ham. Før han reiste til Amerika, for han omkring i grenden og bad farvel. Var en hel dag bare i Eikregrenden» (HF). Ivar og Guri hadde ei dotter: Ingerid f ca 1834. Ingerid fekk garden. Ho var also einbend odelsgjente og difor kan hende noko skriptu, og ho likte å gå med stas. Når nattefriarane banka på døra, sa ho gjerne: «De får trampe måte, guta, de veta ko sko de ha!» Det var meint som eit sneiord, ho heldt dei ikkje for gode nok. Den ho endeleg valde seg, var Ola Eivindson Åtnehaugji, dei vart gifte i 1857. I 1869 reiste både dei unge og dei gamle til Amerika. Der døyde Ola om ikkje lenge. Ingerid gifta seg att med ein ifrå Gol. Borna til Ola og Ingerid: Guri 1857, Kristi 1859, Ivar 1862, Eivind 1864, Maria 1866, Hal. vor 1869 d. Mørkji vart då kjøpt av Sølve Ivarson Krusedøkken frå Ål, d 1906, oppgjeven alder 74 år. Han vart g 1861 m Barbo Aslesdtr Jorde på Torsetsidun 1823-1909-86. Dei hadde borna Gunhild 1862 g m Hans Embrikgarde og Ivar 1864-1905-41. Ivar fekk garden, g 1900 m Barbo Torleivsdtr Myren (ved Løkji) 1873-1960. Dei hadde: Sølve 1901-02-1, Barbo 1903 heimeverande. Barbo vart g 2) m Herbrand olson Eikre 1874-1931, som so vart bonde i Mørken. Born: Ola 1909 har garden, Ivar 1910 bonde på Bekkjistad i Eikre, Torvald 1913 som kjøpte hus og noko jord i Skarshaugoo fløtte dit. Mor hans følgde med, like eins halvsystema Barbo, som har butt der sidan, no på Bygdaheimen. Torvald arbeider på Hemsedal Andelssag & Høvleri. Ola tok over garden i 1933. G 1943 m Kristine Nilsdtr Storeskar i Døkken f 1917. Har bygt nytt bustadhus, uthusbygning og hytte til utleige på stølen (Mørkenvollen pa Ålruststølo). Slåtta Vestreengji selde han til Elling Furuhaugo i 1952. I staden tar han dyrka opp mange mål i Flåmyrn ved Heimsil. På garden og på stølen har han og dyrka opp ganske mykje. Har elles arbeidd mykje åt andre med husbygging,

skogsarbeid, jordarbeid og ymist anna. Born: Bjørg 1943 husmor- og husmorvikarskule, g 1972 m Olav Bråten i Stunde (har ei gjente: *Mai Kristin* 1973), Ingrid 1946 handelsskule, tilsett ved Tuv samvirkelag, g 1969 m Syver Olav K. Tuv, Helge Nils 1951 landbruksskule, arbeider på Kirkebøen sag og Høvleri, har vølt om bustadhuset og bygt ny kårstugu.

Søre Hjelmen

Gnr 52, bnr 21.

På søre Hjelme. Skriveform: Hjelmen.

Hjelme gardane, Rone og for ein del Harahaug ligg ned ved Åne (Heimsil el. Hemsil) på Strendo, som dei kalla det frå gamalt. På Eikre- og Ålruststrendo hadde gardane i grenden mange «slåttu», myreslått og turrfetslått. I nyare tid vart dette slåttelandet etter opp mæl ing og utskifting dyrka upp (sameleis som dei gjorde det med Grøte- og Jordheimsmyrane). Sjå «Hemsedal» s. 26/35. Søre og nørdre Hjelmen hørde Løkji til i eldre tid, men Herbrand Løkji tok dette området und å som sin eigedom då han selde Løkji og fløtte til nedre Ålrust. Løkji hadde forresten ein slåtteteig på Hjelme like til kring 1895 då Sjugurd på nørdre Hjelme kjøpte denne teigen av Halvor Vilhjelmson Løkji. Då det vart bygt bustadhus, vart Hjelmen losji- og kvilestad for skogsfolk som hadde arbeid med hogst og køyring rundt om i skogane, like eins for farande folksom skulde nordover til Lærdalsøyra eller utover til Branes (Drammen) på den tid av året det var isføre. Og då so den nye køyrevegen «Lina» vart ferdig (1877), vart Hjelmen kvilarstelle (kviland) både vinter og sommar. Den fyrste som bygde og budde på søre Hjelme, skal ha vore ein Henrik (kan hende han som er oppført som Henrik Engebretsen Aalrusteie d 1801). Ein Hans Halvorson Løkji f på Torset 1703 vart i 1749 g m Gro Knutsdtr Grøndale. Det er venteleg den same som i 1764 blir kalla Hans Halvorson Hjelmen, g 2) 1764 m Birgit Nilsdtr (sjå Prestgardhuso). So budde Torstein Hansson frå søre Eikre der, g m Ragnhild Torsteinsdtr f 1745 av foreldre Torstein Asmundson og Jørønd Torleivsdtr Lykkjun. Dei budde fyrst i Eikre (ikr. 1771-78), og i 1782 er dei på Hjelme. Born: Jæse 1771, Hans 1774-75-1, Jørønd 1776, Jørønd 1778, Hans 1782. So møter me ein Torleiv Mekkelson 1764-1823-59 f på Ålstveit, g 1795 m Margit Andresdtr Torsethaga 1771-1860-89. Ikr. 1795-1800 budde dei på eit Torsetbruk, men i 1804 er dei komne på Hjelmen. Torleiv var skreddar og vart kalla «Ette» (sjå Huso i Eikre). *Eggjerd*, syster hans, heldt til hjå han sist på. Ho døydde i 1862 og var då 96 år gamal. (Ho hadde ei dotter med ein Ola Jørgensen frå Krøsshherad: *Birgit* 1789-1872-83 ugift. Birgit fortalde mykje frå gamle dagar, seier folk. «Å, den som nu kunne ha den viten hun gikk i graven med!» (HF). Borna til Torleiv og Margit: Eivind 1795, *Eggjerd* ca 1796-1886 -90 g m Knut Herbrandson Brennhøvd i Grønlio (hadde før ekteskapet dottera *Birgit* med Ola Jensson Høvtuno, ho vart g m Sjugurd Halvorson på nørdre Hjelme, før ekteskapet tvilingane *Eggjerd* og *Torleiv* med Eivind T. Eikre), Margit 1798, Mekkel 1800-70-70 bonde på Hjelme, Rangdi ca 1802 (hadde sonen *Torleiv* 1842 med ein Andres Guleneiga frå Hadeland, han rta), Margit 1804, Birgit 1808-92-84 g m Ola Haugji i Lykkjun, Birgit ca 1812 vart buande uttabygds, Andres 1815 d. Sonen Mekkel fekk bygsle Hjelmen, g 1831 m Rangdi Odmundsdr 1804-86-82. Dei hadde: Torleiv 1831 døydde før han var fem år, Margit 1834 g 1862 m Jon Huso, rta, Torleiv 1836-39-3, Birgit 1840-1907-67 ikkje heilt normal, Anne 1842, Torleiv 1845 d, Torleiv 1847-1915-68 bonde på Hjelme. Torleiv brukte Hjelmen som bygsel bruk tn mor hans døydde i 1886, og så kjøpte han garden. Han var dessutan timremann. Forsytte mor si så lenge ho levde og like eins den abnorme syster si ei lang tid. I 1887 vart han g m Barbo Olsdtr Prestgardhuso 1842-1926. Ho vart det siste atlevande av borna til krigsveteranane frå 1814. Torleiv og Barbo var barnlause, og ikr. 1901 selde dei garden til Sjugurd Janson Prestgardhuso 1862-1945, systerson til Barbo. Han vart g 1) 1900 m Sigrid Eiriksdtr Ålrust 1873-1903-30. Dei hadde ein son John 1900 som fekk garden. Sjugurd vart g 2) 1907 m syster til si fyrste kone, Oline Eiriksdtr Ålrust 1867-1930. Dei hadde ei dotter: Sigrid 1908 g 1936 m Knut Skolt. John tok over garden 1928. G 1933 m Margit Helgesdtr Palhuso. Ingen born. John bygde ny stugu, bu på stølen 1934, ny uthusbygning og ny bu på stølen. Dyrka upp heile eigedomen heime, mange mål i Flåmyrn og Grohaugslåttun (Juvestølslåtta) som far hans hadde kjøpt i 1918. Desse slåttene selde John att til Engebret I. Hallbjørshus 1952. sama året kosta han vatningsanlegg til eigedomen sin. John har vore mykje nytta i styre og stell, både offentleg og privat, og er godt omtykt av alle. Frå 1944 til 1968 var han styrar for kommuneskogen. Han selde garden og skogen sin til Arne Skolt i 1971.

Nørdre Hjelmen

Gnr 52, bnr 10 lnr 559.

På nørdre Hjelme. Skriveform: Hjelmen

Både på søre og nørdre Hjelme har dei dyrka upp mykje jord. Det fall seg lett å pløggje upp dei flate fetane der det var lite med stein. Ein son til Vilhjelm og Marte Langehaug (sjå der), Bjørn f 1762, fekk

byggle den nordre luten tå Hjelme. Han vart kalla Kvite-Bjødn avdi han hadde gul kvitt hår (albino). I 1787 vart han g m Margit Aslesdtr som venteleg var ifrå Båste, for Torleiv søre Hjelme sa at ho vart kalla Båsta. Ved giftarmalet vart Bjørn innført i kyrkjeboka som soldat. Av yrke var han smed. Det var han som smidde den vidgjetne laustødn-speningen i taumane som dei ringde med i kyrkjun og som han brukte ein heil vårdag på (sjå «Hemsedal» s. 144/ 154). Bjørn og Margit budde på eit Eikrebruk før dei kom på Hjelmen. Born: Asle 1787-1867-80 hadde Hjelmen, Rangdi 1788, Marte 1790-1872-82 g m Helge Hølleme, Vilhjelm 1792, Kari 1798. Asle bygsla bruket. Vart 1809 g m Eggjerd Mekkelsdtr Ålstveit 1766-1862-96. Barnlause. Asle vaks upp i den gamle tida di dei ikkje tok det så nøygje med skogadelene, i alle fall gjorde ikkje Asle det.

Når det om vintrane losjerte tømmerkøyrarar hjå han, reiste han burt i Lio til dei og hogg ned heile lasset med ved, som dei kørde heim til han om kvelden. Folk sa i spøk at skogen hans gikk frå Habnaskjel nord til Hamro upp for heim stølgrenden Langeset. Då hans ettermann, Sjugurd Halvorson, kom der, sa han til Asle «Men kan dette gå an?» Asle svara: «E trur kji det æ Vårherre. som ha by tt skogen. Og då so!» - Da dei fyrste husa i Ron vart bygde, reiste eigarane burt i Lio og flekte never til taka kvar det skulde vera, flekte likeso trygt som om det hadde vore deira eigen skog. Slikt let seg gjera den tid. Ikring 1855 kjøpte Sjugurd Halvorson Gjerdinga frå Gol Hjelmen. Asle og Eggjerd fekk livare. Sjugurd 1828-1913-85 vart g 1) 1855 m Sigrd øygarde (ved Øndredal), d 1856 i fyrste barnseng ca 35 år gamal. Sjugurd vart g 2) 1857 m Birgit, dotter til Eggjerd Torleivsdtr på søre Hjelme. Sjugurd og Birgit var godslege, gjestfrie folk, velegna til å vera vertar på eit kviland. Dei vart aldri trøytt av å huse folk og gjera dei ei benke, så sant dei kunna. Sjugurd var ogso timremann, ein av dei beste i bygden. Ein grei karakter. Sa det han meinte, og meinte det han sa. Var blind dei siste åra, men sto endå på låven og treskte. Folk i huset måtte lesa for han. Og endå om han ikkje hadde lese landsmal før han vart gamal, vilde han helst at dei skulde lesa det. Han fekk seg til og med huspostil på landsmal, Henrik Kaarstad: «Ordet um krossen.» Borna til Siugurd og Birgit: Sigrd 1858 g 1886 m Ola Smedpasse i Krøssherad, ho døydde tidleg, Birgit 1859-1913-54 g m Helge Åse (Tarset), Halvor 1860-1937 overtok garden og var dertil vegvaktar, Asle 1862-1890-28 ikkje normal. Halvor fekk garden, g 1885 m Barbo 1857-1948, dotter til Ola Nilsson Løstegard g m Ingebjørg Knutsdtr Torset. lkr. 1912 var det utskifting på Hjelme. Halvor kjøpte Høvdstølen, som før hadde tilhørt Sletten, den før nemnde Løkjisteigen og Ullsåskogen i Vestlin. Born: Birgit 1885 g 1910 m Ola Jemterud i Adale Ingebjørg 1887-1952, Sjugurd 1891-92-1: Sjugurd 1893-1976 hadde garden, Guri 1896-97-1, Ola 1898-99-1, Guri 1900-60 g 1939m Erik Rolid frå Adalen f 1908 Ola 1905 d. Sjugurd fekk garden, g 1923 m Maria Ellmgsdtr Buajorde 1900-68 frå Valdres.

Ho hadde hørt ein tradisjon om at ho ætta frå ein Trond Grøto. Barn: Halvor 1924 fekk garden. - Sjugurd var vegvaktar etter far sin i omlag 30 år. Bygde nye uthus, hytte og fjøs på stølen og stabbur heime og dyrka upp mykje på eignedomen. Halvor tok over garden 1946 og vart sama året g m Randi K. Skaga frå Gol f 1921. Har bygt ny stølsbu, stort bustadhus og solide uthus, og har dessutan dyrka upp mykje både heime og på stølen. Han arbeidde ei tid på anlegga til Oslo Lysverker då dei bygde kraftstasjonane i Hemsedal. Har ogso drive med skogsarbeid. Arbeider no på Hemsedal sag og Høvleri. Kjøpte Grohaugmoen av Lars i. Markegård for kr. 12000. Born: Syver 1946 landbruksskule, bonde på Hjelme, Knut 1953 yrkesskule, tok så Gjøvik tekniske skule. Syver overtok garden 1968, g sama året m Sigrd ødelien frå Ål. Syver har dyrka upp Grohaugmoen og utvida fjøset så han no har plass til 25 naut, utanom ungdyr. Flink og driftig bonde. Born: Gro Randi 1969, Marianne 1971, Hallvar 1975.

Skoglund

Ny bustad. Ikkje matrikulert

Eigar: Erik Rolid. Han kom til Hemsedal i 1939, g sama året m Guri Hjelme. Var vegvaktar til han vart pensjonert 1974. Barn: Edvard 1939 g m Oddbjørg Sortebråten frå Gol, dei bur i Gol, og han arbeider ved Statens vegvesen. Dei har tvåborn: *Lars Erik* 1970, *Gro Berit* 1973.

Ron

I Ron. Nedlagt bruk. Høyrer no til Ålrust 52-6.

Rone var eit lite øydebruk som låg like nordafor nørdre Hjelme. Det høyrer no til nørdre nedre Ålrust. Det er nemnt at Birgit Olsdtr g m ein Sjugurd busette seg der. Ola Prestgardhuso bygde seg ei stugu der i 1910. Han vart g m Margit A. Mørk 13. juni 1911, og dei kjøpte sama året Skøltebakkjin, tok med seg stugo og fløtte dit (sjå Bakkjin).

Harahaug

Gnr 52, bnr 9, lnr 559 e. i Harahaug.

I skogen nordafor nørde Hjelme låg Harahaug, som for ein stor del har vore øydebruk. Her budde Asle Knutson d 1840, oppgjeven alder 83 år. Han arbeidde stølbelter av massing (sjå Huso i Eikre). Asle vart i 1809 g m Margit Ivarsdr (Myte) 1769-1841-72. Omkring 1812 budde dei i Lykkjun. Born: Knut 1810 d, Ambjørg 1812 d. Dei skal ha hatt ein son til, som heitte Ivar, men han er ikkje nemnd i kyrkjebøkene. Han gjætte ein sommar på Ullsåkstølo. Ein varm dag skjena bølingen frå han, og han gikk upp på ein haug, Knipenborg, for å sjå etter dei. Då hørde han ein lått inne i haugen, seier søgna. Han sto og lydde og lærde låtten, som han ofte let seinare. Då han om vinteren gikk nordover bygda, og ungdomen fekk auga på han, let dei Knipenborglåtten åt han til teksta: Hara-Ivar då, Hara-Ivar då! Knut Vanneviken og far hans kunna låtten og let han for meg (HF). - Asle skulde tidleg ein vintermorgon heim i bygda. Det var skya. Klokke hadde han ikkje, dei fleste hadde ikkje det den tid. Han gikk og venta på dagen. Til slutt sa han ved seg sjølv: «Det bli i kji dagen i dag!» Dette vart ei herme som levde i hundre år. Det er kan hende denne Asle Knutson som før var g m ei Margit Sjugurdsdr og hadde dottera Birgit 1802 med henne. Halvor og Liv Larsdr Døkk kom til Harahaug frå Døkk. Der døydde dotter deira: Margit i 1870, 38 år gamal. Då Ola Palhuso kjøpte Harahaug, fekk Liv litegrand livavure, ho døydde i Palhuso 1884 ca 80 år gamal. Andre som budde i Harahaug: Reiar Torsteinson Reiarгарde g 1861 m Margit Sjugurdsdr Myte. Han var ein svær villskytt og vart kalla Kåte-Reiar. Svær til å hoppe, hoppa ende i veret. Dette ekteparet rtA. - Så er det nemnd ei Rangdi Halvorsdr Harahaug, som i 1860 fekk dottera Guri med Ivar Toreson Li frå Gol. Etter å ha vore øydebruk i lang tid og ein del år tilhørt Palhuso, selde Olav Pålhus i 1959 Harahaug med omlag 100 mål skog til systersonen sin, Asbjørn Hov f 1936. Han vart g 1963 m Bjørg Gunhild Rolid, Hjelme, f 1942. Dermed kom det atter fastbuande folk til Harahaug. Asbjørn arbeidde ny veg upp til garden 1961 og bygde nytt bustadhus 1963. Han har f.t. fast arbeid for vegstellet. I 1967 selde han ei tomt til Oslo Lysverker innåt dei tre som Olav Palhus hadde selt. Born: Gunn Reidun 1965, alf Egil 1969.

Mørk

Gnr 52, bnr 14, lnr 560.

i Mørk. I Panteregisteret: Mørkplass.

Bruket ligg nord for Harahaug, i Nordbygdingsskogji. Det har langstøl på Krøsstøla i Vestlin. - I 1796 gjev Knut Embrikson Torset skøyte på Mørk til son sin, Andres 1769-1823-54. Han vart g 1) m Jartrud Eivindsdr Grøndale. Ho døydde sama året. Born: Eivind 1795, han reiste tidleg frå styvmor si og fekk vera i Andresgarde på Torset, sea bude han i Snikkerhuso i Grøndale, drog så til Amerika. Andres vart g 2) 1796 m Margit Mekkelstr Fausko 1767-1842-75. Born: Jartrud d ung, Mekkel 1798 d ogso ung, Jartrud 1799, Knut 1802-34-32 hadde Mørk, Birgit ca 1807-36-29 g 1830 m Pål Palhuso, Mekkel 1809-71-62 budde i Myren (ved Skølt), Birgit 1813 g 1837 m Knut Sveinson Pålhuso. Knut fekk foreldregarden, g m Margit Halvorsdr (frå Ålsgjeld). Dei hadde: Andres 1833 d, Andres 1834-1913-79 hadde Mørk. Då Knut var død 1834, gifta Margit seg att i 1839 m Bjørn Palson Palhuso. Ho døydde i 1866, ikr. 79 år gamal. Andres fekk garden, g 1862 m Margit Vilhjeldsdr Skarshaugo 1834-1905-71. Andres var snodig med det at praten hans ofte gikk på rim, han hadde hugnad av det. Nokre døme på hermer etter han: «E kjem ned att her med bø te de Per - at han Tølleiv Hjelme kjem her - om det blir opphaldsver!» Om stein på åkerbrøt: «Æ han flat, æ han lat - æ han rund, spring'n som ein hund.» Om vind: «E va burt i ei rust, der kjende e alder det dust. Så kom e burt på ein haug, der bles det so're flaug.» Om kornet: «Mæl ein lette, fær ein mjølet derette.» Han kom burt på Hjelmen ein dag og skulde låne hest. Kva som sto på? Jau, han måtte køyre etter jordmor åt kjæringen: «Ho ha ilt i bakenda, fekk det att are venda!» Dei kalla han Mørk-mann i min barndom. Me ungane var ned med vegen ved Myte ein haustdag. Der gikk me og, plukka tytebær. Så kom Mørk-mann forbi: «Hente bær, eta bær, hefte her,» sa han (OR). Han hadde senga si uppå hjalle det siste han levde. Ein dag han var nede eit ærend, sa han: «No ha e fått v sst det!» Kva han hadde fått visst, nemnde han ikkje meir om. Men eit par timar etterpå slokna han. Andres og Margit hadde borna: Margit 1864-67-3, Kari 1865-1938, Margit 1867-1953 g 1911 m Ola Prestgardshuso, dei kjøpte Skøltebakkjin (56-7), Guri 1871 d, Knut 1873-1929 hadde Mørk samen med Kari, syster si, Vilhjelm 1875-76-1, Guri 1877-1908-31. Knut og Kari dreiv bruket. Om Knut sa far hans: «Nusten o god kar, litegrand større enn e» (etter Tore P. Ålrust). Me møttest med Knut utanfor sval døra i Bakka ein kald vinterkveld det skulde vera samling der. «Det æ kaldt,» sa me. «Kjølent,» sa Knut. Han hadde litegrand av same trongen etter å leike seg med ord, som faren (OR). Etter at Knut fall ifrå, vart Mørk kjøpt av syskenbarnet hans, Halvor H. Eikrehaga, for kr. 6000. Det var i 1930. Han selde att Mørkstølen sama året til Ola E. Snerte, Torset. Halvor Eikrehaga dreiv Mørk som øyde bruk i 10 år. I 1941 fløtte sonen, Engebret Eikrehagen f 1916 g m Ruth Karin Hovin frå Gol, til Mørk og budde der. Dei bygde seg sidan ny bustad nede ved riksvegen (*Furumo* 57-17) og selde Mørk til fru Torill Skrede i 1973. Ingar Skrede f 1939 kom til Hemsedal som lærar 1966 og vart sama året g m Torill Thorson f 1928. I 1973 slutta han som lærar og

lever av sitt forfatterskap. Dei har no bygt åt seg i Mørk. Born: Sønnev 1966, Tori 1968.

Furuheim

Gnr 52, bnr 27. i Furuheim.

Dette bruket ligg i furuskogen like nord for Harahaug. Det vart rudt og bygt der ikr. 1895 av Helge Høllemeoe som sjølv var tim rar og murar. Han var son til Vilhjelm Helgeson Høllemeoe 1834-99-65 g 1863 m Ambjørg Jonsdtr Vøllo i Turrhaug 1839-1921-82, som hadde tilhald fleire stader: Turrhaug, Gjerde, Furuhaugo, lengst i Skøltebakka, så i Harahaug og til slutt hjå son sin i Furuheim. - Vilhjelm var mykje burte på dagarbeid: våronnarbeid og anna onnearbeid, tresking, skogsarbeid, muring. Han hadde arva noko av mora sitt lette sinn, var ordhittug og hadde lett for å laga ei lente, gjerne med brodd i. Han kom inn på ein gard juleftan. Der var det nokre vaksne gutar som påsto at dei ikkje hadde fått tak i julebrennevin endå. «Ein ska kji tru alt det følk sea,» sa han Vilhjelm. «Ordene var verd å minnes. Det blir sagt mye i verden som kan være motsatt av den mening som er skjult under ordene. Falskheten gjør gjerne det, fulheten likesa. Den siste kanskje like så mye som den første. Ola Fossheim i Valdres sa engang: «Fule følk æra verre enn den vonde sjøl. Den vende kan ein lesa frå se (!), men fule følk kan ein ikkje lesa frå se helde» (HF). Borna til Vilhjelm og Ambjørg: Margit 1863, vart gift «uttafør» (hadde før dottera *Anne* Olsdtr f 1893, tenestgjente «utpå bygda»), Marte 1865 d, Marte 1867 d, Marte 1869-1962, tenestgjente (var i seinare tid heime og stelte for Helge, bror sin), Margit 1872 gift og budde i Drammen, Helge 1875-1965 hadde Furuheim, Jon 1878 d, Jon og Ola 1881 d tvilingar. Helge hadde Furuheim og arbeidde elles mykje i skogen om vinteren. Hadde nokre krøter på bruket så lenge han orka det. Ein still voren, snill kar, velnøgd i små kår. Då Marte og Helge fall burt, kom systerdottera Anne 1894-1975 heim og kjøpte eignedomen, som ho gav kr. 12000 for.

Furumo

Gnr 57, bnr 17. Ny bustad.

Furumo ligg like ved Furuheim. Rundt ikring er det fin furuskog, så namnet høver framifrå. Engebret Eikrehaga fekk tak i tomte ved makeskifte med dåverande eigar av Intelhusbakko (57-6), Svein i. Eikre. Engebret bygde bustadhus her i 1961 og uthus 1963. Endå ei tid åtte han Mørk (52-14) og dreiv denne eignedomen samstundes. Elles har han lastebilkøyring med eigen bil, vedlikehaldskøyring på riksvegen og snøbrøyting om vinteren på fylkesvegane i bygden. Borna til Engebret og Ruth Karin: Halvar 1941 arbeider hjå Hemsedal Maskinlag, Ingebjørg Kristina 1946 handelsskule, g 1969 m Arvid Hagen, Torset, Bodil Olveig 1950 bur i Oslo og er buss-sjåfør. - Engebret kjøpte Eikrehagjin av dødsbuet etter foreldra sine i 1969, men bur ikkje der. I 1973 selde han husa og 13 mål innmark av Mørk til fru Torill Skrede for kr. 36 000.

Oslo Lysverker

Gnr 52, bnr 44. Bustadbygg.

Oslo Lysverker har reist tre bustadhus til sine folk. Dei ligg ved riksvegen.

HEMSEBU nr. 1: Her bur Arne Skolt f 1939, assistent ved Oslo Lysverker, g m Margit Oppheimsjorde frå Ål f 1941. Born: Kjell Erik 1966, Knut Ove 1971.

HEMSEBU nr. 2: Her bur Arne Joar Holsen frå Førde f 1936 g 1958 m Gerd Valen frå Heddal f 1938. Born: Aud Oleanne 1959, Inge Joar 1962, Øyvind 1974. *Svein Alfred Valen* f 1952 i Gjerpen, bror til Gerd. Kom som foreldrelaus til Hemsedal 1960. Holsen er driftsassistent ved Oslo Lysverker.

HEMSEBU nr. 3: Her bur: Knut Hallingstad f 1924 g 1963 m Kari Tyssen f 1928. Born: Ole Harald 1963. Hallingstad er driftsassistent ved Oslo Lysverker.

Søre Skølt

Gnr 52, bnr 20, lnr 562 a.

I søre Skølt. Skriveform: Skolt.

Skøltgrenda kan ein rekne frå Kvednabekkji i dalen nordafor Ålrustgardane og åt Gravsetbekkji straks nordafor nordre Skølt. Følgjer ein den gamle køyrevegen, har ein frå høgdena ved Søre Skølt eit storfelt utsyn nordover heile Søbygde og fjellheimen kring Nordbygde med Veikjinfjell mellom Lio og Grøndale. Hans Flaten fortel for eit inntrykk det gjorde på han då han som smågut var med far sin uppå myrviddene ved Veikjinfjell og hadde det storfelte utsynet sørover dalen (attgjewe i biografien framme i boka). Øystein Eivindson frå nedre Ålrust d 1750, g 1705 m Anne Toresdtr d 1757 80 år gamal,

budde i Søre Skølt. I 1752 blir det nemnt at Anne får livaure der. Born: Sunnev 1706, Sunnev 1707, Eivind 171098-88. Eivind fekk garden, g 1745 m Anne Mekkelstr, dei får livaure i 1788. Born: Margit 1745, Guri 1747-1810-63 g 1778 m Einar Olson Grøto, Øystein 1751-1836-85 g m Birgit Anfinsdr, Mekkel 1754-84-30 g 1782 m Anne Olsdr som døydde 65 år gamal 1826 (barn: *Anne* 1783 g m Torleiv Sagabrøta i Gol), Anne 1757, Ola g 1788 m Liv Bjørnsdr (1798 var dei busette i Gronke). Øystein og Birgit budde i Skølt ei tid, men fløtte seinare til øvre Ullsåk. Born: Anne 1787-1840-53 g m Halvor Grøv, budde på øvre Ullsåk, Liv 1798 g m Torleiv Olson øvre Ro i Gol. Torleiv Jakobson og Margit Nilsdr Ullsåk budde ei tid på eit bruk i grenden, kan hende det var søre Skølt. Sea kom Bjørn Sveinson Hallbjørshus 1757-1845-88 g 1785 m Kari Olsdr Markegølo 1764-1841-77 til Skølt, dei hadde før vore på Ullsåk. Born: Birgit 1784, Svein 1785, Margit 1788-1852-64 g 1817 m Nils Nilsson Vipe, Ola 1791 hadde Skølt ei tid, rtA 1845, Bjørn 1794-1851-57 bonde i Bakka, Birgit 1797, Birgit 1798 (den eine Birgit vart g m Jon Bjørnson Hallen), Rangdi 1802-26-24 ugift, Jon 1807 d, Ragnhild 1809. Ola fekk garden, g 1815 m Kari Hansdr Reiersletten. Dei budde fyrst nokre år på ein plass under Løkji. Ola, som dei vanleg kalla Søre-Skølten, var me i den fyrste flokken av Amerika-fararar som reiste frå Hemsedal i 1845. Herbrand Skølt fortalde meg (HF) at han følgde Ola eit stykke då han reiste. Ola meinte at han vel kunna ha klara seg i Skølt med, men han reiste for at barneflokket skulde få det betre. Det var: Svein 1816 bonde i søre Skølt, Kari 1818, Ingebjørg 1821 d, Ingebjørg 1822, Birgit 1826, Bjørn 1829, Hans 1833, Ola 1836-39-3. Svein fekk garden, g 1840 m Gunvor Persdr ca 1810-53-43. Ho var dotter til Per Toreson og Jartrud Eivindsdr som budde på ein Venåsplass ei tid og i Lykkjun ei tid. Svein og Gunvor var uforlikte, det bar til å bitast, og han rømde frå henne. Ho døydde i Skølt som fatiglem. Då Gunvor var død, kom Svein att, men tok dei två døtrene sine med seg og reiste til Gran. Sonen Per, som dei kalla Gunvør - Per, rtA. Der kom han eingong i klammeri med ein sambygding Halvor Torleivsan Purkestad og skaut han i hel (i.kr. 1883). Borna til Svein og Gunvor var: Ola 1841, Per 1842, Kari 1847, Jartrud 1851. Torleiv Torleivson Gølberg i Gol (d 1889), g m enkje Margit Ivarsdr Jodøkk, kjøpte no søre Skølt og fløtte dit. Far til Torleiv, Torleiv Olson Gølberg, døydde i Skølt 1853, 80 år gamal. Dottera Guri d.e. vart g m Ola Torleivson Blakkestad frå Gol, og dei hadde Skølt tll 1882. Born: Torleiv 1857-1929, Margit 1860 rtA og vart der g m Ola Skøltedøkken, døydde straks, Ingebjørg 1863, Torleiv 1866, Jon 1870, Kari 1873-88-15, Guri 1878. I 1882 selde Ola garden til Embrik Embrikson Steinteigji i Toregarde g m Margit Embriksdr Skar d.y. Ola med huslyd fløtte til Sletten ved Høgehaugen. Dei var ferdige til å fara til Amerika i 1885. Reiste forbi skulehuset i Ålrust og vilde overnatte i Skølt den siste natta. Dei sette seg utanfor skulehuset for å bie til det vart friminutt, dei vilde seie farvel med Hans Flaten. Med han Ola sat der, vart han brått sjuk, det synt seg sidan at det var lungebetennelse, og det var berre so vidt han greide gå til Skølt. Der døydde han. Dei andre rtA. Embrik Steinteigji, som kom til Skølt i april 1882, døydde alt i mai sama året. Enkja vart gift att 1884 med Svein Embrikson Gunnvaldgarde. Dei fekk borna: Embrik 1884-1976 bonde i Skølt, Ingebjørg 1885-1925, Endre 1890 g 1923 m Karoline Arnesdr Viljugrein, kjøpte den eine Wastvedt-garden i Svinndal ved Moss, kjøpesum kr. 43500 (born: *Svein* 1924, *Margit* 1926, *Arne* 1927, *Agnes* 1931, *Knut Egil* 1938), Ola 1892 kjøpte 1923 garden Nesten i Ullensaker for kr. 70 000, g 1923 m Tora Kristine Imingen frå Oppdal i Numedal, ho var budeie på Lien landbruksskule i Tørpo då han var elev der (born: *Svein* 1925, *Margit* 1926, *Solveig* 1929, *Tora* 1932, *Ingeri* 1937). Embrik hadde garden frå 1914, g 1925 m Margit Hansdr Løvehaugji f 1899. Han bygde ny stugu 1916 og uthusbygning 1928. Dyrka jord og stelte bra med garden, ein flink bonde. Han selde ei hyttetomt på stølen (Ålruststølane) til inspektør Espehind frå Oslo. Men Embrik fekk hug til å følgje fyredømet på brøne sine. I 1930 selde han Skølt til Hans E. Grøndale for kr. 14000 og dessutan eit par skogteigar til andre og kjøpte att den andre Wastvedtgarden i Svinndal for kr. 50 000, grannegarden til Wastvedt som Endre hadde kjøpt. Born f i Skølt: Svein 1926, Margit Ingebjørg og Hans Gunnar 1928, tvilingar. Seinare: Gudrun 1931, Andres 1937. Både Embrik og Endre var misjonsinteresserte og har vore mykje med i det kristelege arbeidet i Svinndal. Hans Grøndale f 1873 og g 1927 m Rangdi Ingvarsdr Ullsåk f 1888 vart ikkje lenge i Skølt. Han selde att garden i 1933 til Ola i. Markegård og fløtte med huslyden sin til Skoger, der dei fekk seg att eit småbruk. Born: Edvin 1928, Lovise 1929. Hans døydde i krigsara og vart gravlagd i Skoger. Rangdi døydde i 1967 og er gravlagd i Hemsedal. Ola Markegård f 1908 vart g 1935 m Kari Engebretsdr Torset. Dei dreiv som bundefolk i Skølt i 19 år. Ola var flink bonde og dreiv garden fram. Han var ein sterk kar og spara seg ikkje i arbeidet. I 1943 kjøpte han att ein skogteig på 200 mål som hadde hørt garden til. alle borna kom til i Skølt. I 1950 hende det ei trist ulykke med dottera Anne, som då var 11 år gamal. Borna i Ålrust skulekrins var på skitur til Skogshødn. Det var hard, isa skare i fjellet, og Anne glei utfor og slo seg i hel. Ogso lærarinna som var med, vart noko skadd, men fekk ikkje varig mein av det.

I 1952 reiste ogso denne huslyden frå Skølt. I barndomsheimen til kona fall odelsbonden frå, og dei fekk kjøpt denne garden (Torset 61-9, sjå vidare der). Ola selde att garden Skølt og skogen til broren Lars Markegård i 1954. Lars, som er smed, bur ikkje der, men leiger burt stugo som hytte. Dermed vart

det øydebruk av Skølt med, ein lagnad som diverre har råka mange eldre bruk i den seinare tid. Embrik Skølt selde ein skogteig til Torleiv Veslestølen, og Lars Markegård har selt två hyttetomter på stølen. «Om en gammel kone i Skølt fortalte Torstein Bjørnebråten meg at hun urbanusdagen (25. mai) 1812 gikk opp til et tjern ovenfor gården og vilde prøve isen. Kastet en stein bortover. Isen holdt. Kastet en større stein. Isen holdt. Kastet en stein så stor at hun savidt kunne løfte den til kast. Isen holdt. Da skrek hun: «Å, det fryr radt te stats .» Værprofeter har ennå til merke at når det iser i Jordheimsbergene urbanus dagen, blir det ikke korn i bygd'n» (HF). Vendinga «te stats» er visstnok ukjend no. Enten må «stats» vera ein prentefeil, eller so har det samheng med «stadd» eller «stade» og tyder ned på fast og stødig grunn (botn). Jfr. «vera ved huset stadd»: halde seg støtt eller stadig ved huset, «stadd mann»: stø, adstadig mann, ein «stae»: samentrødd høy, hardtrampa graut eller liknande (OR).

Det var ei tid eit bruk dei kalla *søre Søre-Skølt*, Inr 563 b, men ein veit ikkje stort om dei (sjå Bakkjin 56-7) som budde der.

Bakkjin

Gnr 56, bnr 7.

I *Bakka (eller Skøltebakka)*. *Bygselbruk under Grøv*. Bakkjin skal vera utskild frå øvre Ålrust ved skylddeling 1807 til Per Person Ålrust f 1756, som skal ha butt der. Deretter Bjørn Bjørnson søre Skølt 1794-1851-57 g 1822 m Anne Knutsdtr. Bjørn hadde det trølsamt. Han drog mose like frå Kvannegrøo (attafor Skogshødn nord mot Lægret). Og han dyrka jorda si godt til den tid å vera. Som ein raritet ved livslagnaden hans kan det nemnast at kom til verda ein nyårsdag, vart gift ein nyårsdag og døydde ein nyårsdag. Born: Knut 1823 bygde i sylre Søre-Skølt, Bjørn 1829-41-12, Sjugurd 1833, Rangdi 1837, Bjørn 1843. - Bjørn d.e. som døydde so ung, hadde vore i likferd etter gomme si, Kari Søre Skølt sommaren 1841. Då dei var komne att frå kyrkja, skulde han ri hesten sør i hamna ved Kvednabekken. I Peissteinbakka gjorde hesten eit byks, og Bjørn datt av og slo seg *så* han døydde nokre dagar etter. Då Bjørn var død, reiste Anne med tre av borna til Amerika i 1852. Sonen Knut g 1847 m Ragnhild Olsdtr Eikre d.y. kjøpte ein del synst på Søre Skølt av Ola, farbror sin, og bygde seg bustad der. Men då han hadde vore der nokre år, selde han bruket til Torleiv Torleivson, og *søre Søre-Skølt* vart lagt attåt garden att. Borna til Knut og Ragnhild: Anne 1847, Tnrid 1850. So vart Bakkjin kjøpt av *Ingvar Grøv*, som leigde burt bruket. Fleire huslydar budde der som tilhaldarfolk, soleis *Vilhelm Hølleme* og *Jon Prestgardhuso*. Både Jon, kona *Birgit* og dottera *Ragna* døydde der. I 1912 vart Bakkjin kjøpt av Ola Prestgardhuso, som var g m Margit Mørk og då budde i Ron. Ola var son til Ragnhild Olsdtr Prestgardhuso og Andres Hansen Tronsæt frå Røyken. Ola og Margit var barnlause. «Ola hadde slæpet og arbeidet fra han var en neve stor, som man sier. Han tjente andre i en troskap som kun få. Flink, palitelig. Man kunne betro ham om det så var male gull, som ordtaket lyder. Hos meg tjente han som onne kar i 7 somrer (1905-11). Våren 1914 slæpet og bygget han en uthus bygning til seg i Bakka. Nå skulde han jo få egen heim, og hadde han vært liv laga, hadde han gjort amen lun og hyggelig. Det er så trist å tenke på dette at han som i slik troskap hadde slitt så all sin dag, nå når han var ved malet og kunne fått roligere dager, skulde gå bort fra alt. Han kunne si som det står i diktet:

Eg sleit og træla all min dag,

eg punktleg var i alt mitt fag frå barnsbein av, frå liten gut, men no eg har meg slite ut.

Eg stunda og til eige tak,

mi eige dør å smette bak,

ei seng der eg kan kvile meg, ein heim som byd på ljøs og fred. Han hadde nettopp våket ved sin morsøster Olaug Myrens dødsleie. Hun døde av lungebetennelse. Og samme sykdom fikk han, ventelig smittet. Den 9. juli 1914 gikk han bort, nettopp som ranunklene lyste som best på hans mark. Han ble bare 45 år gammel» (HF). Margit selde Bakkjin til Gudtorm Helgeson Raubakka frå Gol. Men Gudtorm vart i 1920 g m odelsgjente Birgit Arnesdtr Hødnungset i Gol og fløtte dit. Margit fekk att Bakkjin, som ho selde i 1921 til Ola Nilsson Storeskar f 1893, g 1919 m Ingerid Olsdtr Øyn ved Øndredal f 1897. - Då Margit hadde selt bruket, kjøpte ho stugo etter Ivar og Kari nørdre Skølt og fløtte den sørover og budde der. Døydde på Gol Gamleheim. Stugo hadde ho testamentert til Ola Storeskar, og ho står no på gardstunet i Bakka. Med Ola Storeskar (brukar Storeskar som ættenamn) kom det ein ny bonde og slitar åt Bakka, diktet som er sitert ovafor høver ogso på han. Han bygde upp att den gamle Bakkestølen (på Urdo) i 1930-åra og sette upp ei hytte der. Og heime på garden bygde han ny stugu 1925, uthus 1942, stabbur 1944 og ny stugu heime att 1957. Har dyrka upp mykje både heime og på stølen. Det var før bulldosarane si tid, so han fekk ta mange tunge tak. Dåverande formann i jordstyret, Syver O. Grøthe, sa til syster si, Ingerid Båste: «Ja, nå ha e vøre sy Bakka o laga te ein jordakort åt desse møldvarpen - han æ kji lengji ved å få te noko han.» - Då Ola tok over i Bakka, kunne dei fø två kyr, det var 50 bører med høy på eignedomen då. No (1973) har dei 5 kyr, hest og 7

sauer. Ola har selt eit par hyttetomter ved stølen sin og ei heime. Dottera Kristine f 1919 vart i 1950 g m Svein K. Grøthe. Han har drive som snikker, høvelmeister på sagbruk i bygden og anleggsarbeidar. Dei bur i Bakka. Born: Odvar 1952 har garden, Kåre 1953 har gått yrkesskule, Sverre 1956 har gått på Hallingdal Gymnas. Oddvar overtok garden i 1973. Arbeider også som kontormann i Hemsedal Sparebank.

Døkkji

Gnr 52, bnr 16, lnr 561.

I Døkken (eller Skøltedøkken). Også kalla öldredøkkji. Skriveform: Dokken.

I eit pantebrev frå 1763 lydande på 98 rdl til Engebret Aadsen Eikre, som seiest å vera frå Kyrkjebøn f 1711, underskriv eigaren seg Mekkel Andresen Olderdokken. same namnet på bruket er nytta i eit skøyte frå 1770 der Andres Mekkel Olderdokken overlet eigedommen til verson sin, Tor Jonsen ca 1736-1803-67 g 1770 m Guri Andresdotter. I sama handelen var medteke Hølustølen, kan hende den noverande Bekkjistølen, ein lut i Nystøle synst i Gunnvaldgjerdet, og Vannevikji, som då var ei slåtte, og dessutan noko slåtteland ved ein bekk under Ålrust. Tor og Guri hadde butt ei tid i Lykkjun, venteleg på Veslestølen. Dei hadde borna: Jon 1771-1842-71 bonde i Døkken, d på Ålstveit, Andres 1774 truleg d ung, Andres 1776 d, Olaug 1778, Rangdi 1783, Andres 1786. Jon fekk bruket, g 1797 m Kari Knutsdtr. Dei hadde butt på Veslestøle i Lykkjun ei tid: Guri 1798-1864-66 g 1) m Hans Myren under Engjo, 2) Ola K. Ullsák, Birgit 1803 g m Ola Ivarson Myte i Brennhøvd, Gol, Tor 1806-85-79 bonde på Jordheim. Knut Jonson Skøltedøkken og kone Margit Pálsdtr får son: Knut 1781. Seinare finn ein buande i Døkken ekteparet Ola Olson øvre Ålrust 1792-1864-72 g m Kari Endresdtr d 1865, 73 år gamal. Kari var frå Nes, i slekt med Ingebjørg, kuna til Bjørn Støle. Ola og Kari hadde: Endre 1821 hadde bruket ei tid, Astrid ca 1823 g m Ola Arneson Nørdrelieigo i Gol, Margit 1826-47-21, Barbo 1829-95-66 ugift, d i Båste, Ingebjørg 1831 fløtte 1861 til Norderhov, Kirsti 1841.

Endre fekk garden g 1847 m Guri Ogmundsdr Gølberg, dei rtA 1848. Frå no av skifta bruket eigarar ofte: Ola Ingvarson Grøndale, han dei kalla »Høylanden», g m Anne Larsdtr Grøto heldt til der, dei budde også i Lykkjehaga ei tid. So var Kristian Knutson Markegølo der ei tid. Han vart g 1859 m Guri Torleivsdtr jodøkk d.y., dei rtA 1866. Born: Knut 1860, Torleiv 1863. So kom Nils og Sigrid Båste. Nils og huslyden hans fløtte i 1865 frå Båste til Toregarde, og tre år etter fløtte dei åt Døkken, derifrå att til Meiningen i Valdres. Eingong Nils var på gjesting i Døkken att, vart han sjuk og døydde der 1872, 63 år gamal. Ivar, son til Nils, kjøpte Skjerpingen i Valdres og budde der nokre år. Han var g 1872 m Kirsti Knutsdtr Groset. Då Nils var død, fløtte enkja og borna til Døkken, til dottera Liv som var g 1869 m Eivind Hansson Træe frå Grøndale.

Vinteren 1880-81 kom også Ivar og huslyden hans åt Døkken. Då budde det i alt 17 menneske i kleva og stugun. «Men æ det kji trøngt hjå dikko no då,» spurde dei Sigrid. «Å, det går nøkk nå me alle æra tølige,» svara Sigrid. Og det gjorde det. Liv var den fyrste jordmora i Hemsedal. Eivind og Liv åtte bruket til 1881, då reiste heile sylta til Amerika. Borna til Eivind og Liv: Hans 1870, Sigrid 1871-72-1, Nils 1873, Margit 1875, Ivar 1876, Sigrid 1879, Per 1880. Eivind selde Døkkji til Jehans (Johannes) 1821-98-79 og Inga 1822-1900-78 Presthaugji. Sonen Anfin 1863-1929 overtok garden i 1889, sama året han vart g m Marte Pálhuso 1860-1927. Anfin var legpredikant og tok jamleg del på samlingane. sangvinikar av natur. Når han vart ivrig knytta han neven og hytta mot møtelyden. Folk tykte ikkje desse faktene høvde med evangeliets ånd, men dei tok han Anfin for det han var. Dei som tala på samlingane i eldre tid, blanda gjerne inn i talen gamalt postillespråk. Kan minnst at eg undrast svært når han Anfin la ut om at «Christus var død for alle Creature», eg visste ikkje at det latinske ordet kunne brukast i tydinga: skapning (OR). Borna til Anfin og Marte: Hans 1890 g m Berta Jørgine Granbakken i sande, Ola 1891 g «uttafør» og busette seg der, Birgit 1894 g m sjømann Jørgen Pedersen frå Tromsø, Rangdi 1896 d, Rangdi 1897 g 1938 m skomakar Hans Rud, Galleberg i sande, Jon 1900-29 ugift. Det hender ikkje ofte at två brør kjøper grannegardar, men her i Skøltgrenden gikk det slik (Bakkjin og Døkkji). Og det merkelege er at två brør frå denne grenda gjorde det sama, nemleg Embrik og Endre søre Skølt (sjå der) som fekk seg grannegardar i Svinndal. Nils Nilsson Storeskar 1885-1974 (skreiv seg Storeskar) og g 1915 m Ingerid Nilsdtr Purkestad f 1894 kjøpte Døkkji for kr. 10 000 og fløtte dit 1928. Han dyrka upp mykje heime og på stølen, der han og selde ei hyttetomt. Born: Nils 1915 d, Kristi 1916-17, Kristine 1917 g 1944 m Ola H. Mørken, Anna 1922 (hadde før ekteskapet sonen *Arne Nils* 1944) g 1951 m Anne G. Hødningset i Gol (born: *Gunnar Nils* 1953, *Bjarne* 1957, *Ingrid Birgit* 1960), Birgit Marie 1931 g 1956 m Syver K. Grøthe, som arbeider på trevarefabrikk, har eige hus på Skogajordet (sjå der), Nils 1934 har garden. Nils g 1956 m Kari S. Jodøkk f 1935. Har bygt nytt bustadhus og nye uthus med geitefjøs og er ein av dei få som no driv med geitehald i bygden (medeigar i sams geitestøl i Hestehaugo). Grunnboring etter vatn 58 m djupt i 1963. Han har også overteke bruket Jodøkk. Har dyrka upp mykje både i Døkken og Jodøkk. Har bygt ny bu på bæe stølane og tre hytter til burtieige. Born: Inger Berit 1957, Kirsten Marie 1958, Kari Ann 1961, Nina

Solveig 1962, Oddmund 1972.

Nordre Skølt

Gnr 52, bnr 18, Inr 562 a.

I nordre Skølt. Skriv seg Skølt.

Ein Knut Olson fekk festebrev på eit rydningsland under søre Skølt, men me veit ikkje meir om han. So står det i kyrkjebøkene at Knut Jonson Skølt og Margit Knutsdtr fekk borna: Ingerid 1757 g 1) 1784 m Ivar Brandvøl og 2) 1826 m Helge Jordheim, Birgit 1762. Heller ikkje desse veit me noko meir om. So ser me at Bjørn Toreson frå Ullsåk g m Kari Olsdtr bur i nordre Skølt. Dei fløt til, eller får ogso Skøltedøkkji (sjå der) og byter deretter gard med Herbrand Sveinson i nedre Ålrust. Han var ei tid i Døkken, men vart so buande i nordre Stølt. Han var g 1) 1829 m Rangdi Olsdtr Ro frå Gol, som døydde 1869, 63 år gamål. Herbrand og Rangdi var påhaldige folk som sto seg godt i den noko tronge tid dei styrde i. Herbrand var so forsiktig at han fyrst spurde kyndige folk, før han gikk med på noko som han skjønnte seg mindre på. Han fortalde meg at han frakta sild i kløv frå Lærdalsøyra ein vår. Han og følgjet hans kvilde og hamna hestane sine ved Stølvollen sør for Bjøbergo. Knut Stølen var nettupp der uppe og gjerde, og han jaga hestefølgjet ut or hamna. Herbl and mintest når folk frå Eikre og Ålrust rei til og frå kyrkja. Utpå hausten kunna det hende at dei ikkje kom att før det var mørkt om kvelden. «Då sag e koss det neista før hesteskodningo i steino nedpå rievegji,» fortalde han. Han var slik i gjerden at han vilde ordne alt i tide, helst i tidlegaste laget. Då grannen Mekkel Myren låg for døden i juli 1871, nett då folk var uppe på stølane og slo, reiste Herbrand upp og bad til likferds.

«Mekkel va nøkk ikkji dø då e reiste, men e trur han døyr so ved klukka tøv,» sa han. «De får koma åt likferdn om lurdan!» Det må kggjast til at Mekkel levde den dagen med (HF). Herbrand vart g 2) 1873 m enkje Kari Høgehaugji 1801-87. Han var då 70 og ho 72. Brureferda kom åt kyrkjen slik som skikk og bruk var. Men presten kunna ikkje vigje dei, for dei hadde ikkje skifta med arvingane slik som lova kravde. So dei laut gjera ein tur til Nordre Skølt gikk no i mange handelar. Det kan nemnast: Ola Knutson Rakel-Ro frå Gol g 1850 m Kirsti Persdtr Langehaug f 1824. Son: Knut ikr. 1851. Dei budde der ei tid, men rA 1852. Ein Ola Olson Perhus frå Gol g 1847 m Rangdi Sveinsdtr nedre Ålrust budde so i Skølt ei tid, kan hende som tilhaldarfolk. Dotter: Gunhild 1847. Me høyrer ikkje meir om dei. Knut Knutson Intelhus g 1844 m Ragnhild Persdtr Engjo budde i Skølt 1848. Derifrå reiste dei til Vestafør i Gol. Dei hadde: Knut 1844, Anne 1848. Mekkel Torleivson Jondale frå Gol g 1852 m Kari Sveinsdtr nedre Ålrust budde i Skølt ei liten tid. Dei hadde: Anne d, Anne 1855. Ivar Jonson Jodøkk g 1856 m Ingebjørg Nilsdtr Løstegard frå Gol kom so til Skølt. I motsetning til broren Nils Jodøkk var Ivar av dei som stengde seg inne i seg sjølv. Han var kjøppar og årelatar, skreddar og skinnfeldmakar. Heile huslyden rA 1881 og budde ved St. Ansgar i Iowa.

Born: Barbo 1858 g 1881 m Knut Ellingson Myte, Margit 1857 g 1878 m Arne Olson Bakka i Gol, Guri 1861, Birgit 1864, Jon 1867, Nils 1869, Guri 1874, Gunhild 1878. I 1881 kjøpte Ivar Torson Jordheim 1844-1923 g 1869 m Kari Torleivsdtr søre Skølt 1851-1924 bruket av halvbror til Kari og fløtte dit. Ivar var ein flink snikker, og det vart sønene og, iser Svein, Jon og Ivar, dertil dreiv dei som bygningsmenn. Ivar fløtte alle husa nedom vegen, før sto dei ovafor. Ivars farfar var Jon Torson Skøltedøkken. Born: Margit 1871 g m Per Flater i Røyken, Tor 1873-1954 g 1898 m Anne Følenglo i Aurdal og busette seg der, Torleiv 1876 rA og døydde der av nervefeber, Margit 1879 g m almer Olafsen i Røyken, Kari 1883-1900-17, Svein 1886-1969 g 1924 m Olaug Persdtr Engjo 1897-1961, Birgit 1889 busett i Oslo, ugift, Jon 1892-1958 g 1919 m Ragnhild Huso (ved Engjo) 1897-1972, Ivar 1895-1954 g m Annlaug Fosse frå Telemark, budde i Oslo. har miste høgre handa si ved ei arbeidsulykke. Dreiv i mange år som byggmeister i Oslo. Omkring 1910 vart Skølt kjøpt av Sjugurd Knutson Brennhøvd 1874-1958 frå Gol, g 1908 m Margit Persdtr Markegølo 1877-1957. Sjugurd var ogso skomakar. Bygde nye hus på stølen (Urdo), stabbur og uthusbygning heime. Braut upp mykje steinfull jord, og han og Blakken køyrde mangt eit kremmarlass til handelslaga i Hemsedal før bilane kom.

Born: Knut 1909 har garden, Peder 1911 g 1942 m Birgit S. Grøthe, er driftsstyrar for elektrisitetsforsyninga i Hemsedal (sjå Grøto 63-3), Einar 1913 g 1945 m Margit Plassen i Tørpo, har vore distriktssjef for livstrygdela, er no reisande for fabrikk W. C. Møller i Drammen, har eige hus og bur i Hokksund, Margit 1915 handarbeidslærer ved folkeskulen i Hemsedal, Arne 1918-19. Knut fekk garden. Har hatt mange kommunale verv og var mykje med som skjønsmann. G 1936 m Sigrid Syversdtr søre Hjelman. Har bygt ny bu på stølen, nytt bustadhus og reidskapshus heime, og har dyrka upp ei stor myr ovafor garden. Grunnboring etter vatn 102 m 1963. Har selt ei hyttetomt heime 1972. Kjøpte ein skogrem ved Gammen 1955 av Gustav Toregard for kr. 2500. Det var utved vatnet her han fann ein gamal stokkebåt. Knut var den fyrste vegvaktaren ved den nye fylkesvegen Hemsedal-Gol 1960-64. Born: Syver 1936 er heime, Arne 1939 elementærteknisk skule, har vore maskinist ved Ål Kraftverk og no ved Hemsil II kraftstasjon i Gol, kjøpte søre Hjelman 1971, g 1966 m Margit Oppheimsjorde frå Tørpo f 1941 (born: *Kjell Erik* 1966, *Knut Ove* 1971), Olav 1944 er heime,

Magnhild 1950 handelsskule g 1970 m Roger Karlsen frå Oslo Born: *Christer* 1971, Wenche 1974. - Som nemnt, fann Knut ein gamal stokkebåt. Han låg nedsokken like ved land so berre eine enden var synberr, men Knut sag straks at det ikkje var ei vanleg låg, og fekk so båten på land, tok vare på han og har no gjeve han til Hemsedal bygdatun. Ved analyse ved Laboratoriet for radiologisk datering, Trondheim 1974 (C14prøve) kom dei til det resultat at båten måtte vera frå kring år 1400 med ein feilmargin på 90 år båe vegane (altså frå eingeng i tidsromet 1310-1490).

Myre

Gnr 52, bnr 92, Inr 562 b.

I Myrn. Skriveform: Myren.

I matrikkelen so seint som i 1904: Ormerud.

Eit kvinnfolk frå ei anna bygd som dei kalla «*Rek-omma*» (ei som rak om - utnamnet kunna og lesast: Ræ-koma: motbydeleg eller utuktig kvinnfolk) fekk lov av dei i nørdrø Skølt å buseta seg der. Rekomma og borna hennar er ikkje oppførde i folketeljinga 1801. Ved giftarmålet i 1828 var Ola 25 år og Ingebjørg 34 (altså f 1794). Myre blir då kalla "Skolteje" (Skølteeigo). Ho hadde två ungar: Ingebjørg og Gudtorm (far: ein Torstein). Ingebjørg fekk bruket av mor si og vart g 1828 m Ola Hansson Reiarsetten f 1803. Dei hadde: Hans 1828, Ingebjørg 1831, Kristen 1835, Ola 1840-41-1. - Rekom Gudtorm var malar, og av han lærde ogso Ola Reiarsetten å male. Ola med huslyd rA 1845. Dei selde Myre til Sjugurd Halvorson Leirehaugji g 1844 m Kari Hansdtr Grohaugji. Dei hadde: Halvor 1845, Anne 1847, Hans 1849, Helge 1850. Denne huslyden reiste og til Amerika og selde då Myre til Mekkel Andresson Mørk 1809-71-62 ugift. Han hadde bruket ein del år. So vart Ola Knutson Vanneviken d.y. 1830-1915-85 eigar, g 1865 m Sigrd Olsdtr Vestafør (ved Øndredal). Dei var barnlause. Ola var ein stillvoren mann, og som han levde, so døydde han. Ein morgon låg han død i senga. Han hadde sovna inn, smertefritt. I 1896 hadde dei selt bruket til Knut Nilsson Vestafør 1859-1918-59, systerson til Sigrd. Han vart g sama året m Marte Persdtr sande (ved Trøym) 1866-1934. Knut var skomakar. Dei siste åra var han veikhelsa av brystsjukdom. Eg kan minnst at han i ei samkome sat på sengekanten og siterte Salmeverset: alle har sitt, stort eller litt, himlen alene for sorgen er kvitt. Og Knut hadde sitt i veik helse (OR). Då han den 5. februar 1918 kom att frå auksjonen etter Rasmus Grohaugji, la han seg burt på senga for å kvile. Ei liten stund etter var han død. Borna til Knut og Marte: Ingerid 1897 har garden, Sigrd 1899-1950 g 1927 m Per Skrede, småbrukar i Røyken, Margit 1902 heime. Margit har vore mykje nytta som «rei-kjering», d.v.s. ho som står for mattillaginga i lag og likfrd. Det var god bruk for slike før i tida då alle slike gjestebod måtte haldast heime på gardane. No er det hotella og pensjonata som for ein stor del har overteke dette. Med god hjelp av Margit, syster si, har Ingerid styrt og drivt gardsbruket godt. Har bygt nye uthus og stabbur heime og både stølsbu og fjøs på stølen (Myrestølen på Ålruststølo). Dei har ogso grøfta og dyrka upp mykje jord. samen greier desse två det aller meste av det vanlege arbeidet på gardsbruket, det får ein seie er godt gjort. Dei har selt ei hyttetomt på stølen.

Andre huslydar i Ålrust- og Skøltegrenden:

1. Ola Skølt har 1696 son: Bjørn.
2. Helge Olson og Dordei Skølt g 1706: Sigrd 1704, Aslak 1706, Jehans 1704.
3. Ola og Kari Skølt (kan hende dei sama som Ola og Kari Ålrust): Knut 1724, Birgit 1727, Ola 1729.
4. Nils Skølt har: Ola 1726, Birgit 1728, Kari 1730.
5. Nils Nilsson Skølt d 1752, g 1741 m Sigrd Persdtr Ålrust: Per 1742, Margit 1748.
6. Hans Olson Gronke g 1735 m Olaug Jonsdtr: Jon 1735, Ola 1737, Jon 1740 (d 1773).
7. Svein Halvorson Ålrusteigo g m Ragnhild Ivarsdtr: Torleiv 1801 d, Ivar 1802 d, Ivar 1804.
8. Ola Andresson Ålrust og Ingerid Knutsdtr skylde i 3. led.
9. Ola Olson Brøtaeigo, Gol, g 1836 m Margit Jakobsdtr Ålrusteigo.

Andre som døydde i Ålrust:

Kari Skølt 1696. Ola Skølts kone 1700. Guri Jehansdtr Ålrust 1725-85. Liv Sveinsdtr Hjelme 1773-70. Margit O. Ålrust brend i hel 1777-77. Rangdi Olsdtr Ålrust 1778-62. Jehans Ivarson Ålrust 1778-80. Torleiv (Person) Skølt 1784-60. Per Nilsson Ålrusteigo 1778-80. Halvor Sjugurdson Ålrust 1813-36. Sigrd Endresdtr Ålrusteigo 1838-1. Siste talet er oppgjeven alder.

Vannevikji

Gnr 52, bnr 3, lnr 558 c.

i Vannevikken. Matrikulert under Ålrust.

Vannevikji ligg ved vegen sørover åt Lykkjun, som også er stølsveg åt mest heile Søbygden frå Jordheim til Ålrust. Garden ligg einsleg til ved ei vik av Vanna, derifrå shri. namnet seg. Knut Olson frå øvre Ålrust 1789-1829-40 g 1821 m Anne Olsdtr Rustehaugji 1795-1878-83 var truleg dei fyrste som bygde her. I 1829 var Knut på Lærdalsøyra etter ei kløv med sild og Salt. Eine kvelden sette han hesten sin utpå ei øy i elveoset. Om morgonen då han skulde hente hesten attende, var det flo sjø. Knut sette seg oppåfor å ri hesten over, men glei av og drukna. Knut og Anne hadde borna: Astri 1822 fløtte 1855 til Vang i Valdres, Ola ca 1825-75-50 ugift, Ola 1830-1915-85 bonde i Myren. - I 1833 gifta Anne seg 2) m Svein Intelhus 1803-91-88, syskinbarnet til Knut. Svein var som dei andre frå Intelhus «tærig o smetten» av seg, flink til å finne ord og utveg, godsleg og humørfylt når han prata med folk. Då han lagdest sjuk og det lei mot slutten, spurde son hans om dei skulde ht:nte dokter. «A nei, han har ingjin rå for daua, han helde,» svara Svein. Born: Anne 1834-1918-84, Ingebjørg 1837-1910-73 båe ugifte, budde i Vannevikken, Knut 1845-1915-70 bonde i Vannevikken. Knut fekk foreldregarden, g 1876 m Rangdi Embriksdtr Bubakka 1853-1947. Knut hadde arva det stille og blide lynde til faren. Han les mykje, tenkte mykje og tenkte godt. Ein koseleg mann. Born: Anne 1876-1955 budde heime, Anette 1882-1946 g 1913 m Nils Lykkjehaga, Svein 1885-1972 bonde i Vannevikken, Embrik 1895-1971 budde heime. Svein rtA og var der i 6 år, kom so att i 1916 og overtok gardsbruket. Svein hadde som faren lese mykje og følgt godt med idet som hende både heime og ute. Med sitt gode minne kunna han fortelja mykje frå dei lidne tider og fram til det dagsaktuelleom styr og stell både her i landet og utmellom dei store nasjonane. Han fortalde etter Anne, farsyster si: «Ein bjødn kom inn te buskape våre på stølsvølle. Det va mørke kvelden. Ho mor gikk ut med ein løgande veabrand ifrå peise. Bjødn hadde då biti ei kyr i ryggen, so ho sto på knjøno. Men då'n kjende branden innåt raggji, slepte'n takji o drog av garde burtover mot Nygjerdun. Der fekk'n same skremsla tå henne som va stølskjering der, o då tok'n vegen imot Eikrestølo.» (Denne bjørnesoga liknar so på den som det er fortalt om under Eikre 51-14, at det må vera sama hendinga dei skriv seg frå. Det er ei kjend sak at segner som blir fortalt upp att og upp att, kan bli lokalisert til ulike stader og tillagt snart ein, snart hin, som skal ha upplevt det. Men detaljane som er so like som her er tilfelle, borgar for at denne tilburden må ha hendt, omlag slik som det er fortalt (OR). - Svein og Embrik i Vannevikken lærde seg til å leva i pakt med og med sans for naturen ikring seg. Jamvel den vare fjell rypa kunna dei ha som gjest innpå dørhellun, for dei var dyrevener som få. - Då Embrik og Svein fall burt, vart Vannevikji kjøpt av systersonen deira, *Knut Hagen* i Lykkjun (1973).

Lykkja

I den vakre, sørvende sol halla upp for nordenden av Tessleimvatnet ligg fjellgrenda *Lykkja*, som har hatt vinterbuande folk i mange hundre år, kor lenge veit ein ikkje. Rundt ikring elles er det berre støls-lag. Ein lang åsrygg, som tøygjer seg frå Skogshødn sørover til Flya, gjev livd for nordaustvinden. Sett frå andre sida av dalen minner denne åsryggen om ein kvelvd båt og heiter difor Lykkjekjølen. Gardane i Lykkjun - som namnet heiter i dativforma - ligg på 850-900 meter over havet. Det fanst fleire slike høgtliggjande gardsbruk i gamal tid enn det gjer no, til dømes *Gronke* ved nordenden av Flyvatnet. Etter det Ola Eikre (1825-1912) Semlen dei kalla - har fortalt, var det fire gardar i Gronke i gamal tid. Men staden låg so bakkjørneleg til at folk fløtte derifrå, ogso av den grunn at det var utrygt der for rekarfant og utlæge (fredlause) folk. Segna om Tjuve-Levor «Hyddalskallen») kan tyde på det. (Sjå «Hemsedal» s. 156/166.) Det sto øyde der ei lang tid, like til han *Lars Grøto* (f 1808) busette seg oer. Han køyrde stugutimret sitt frå Hemsedal til Gronke, sa Semlen. - I min barndom var det vinterbuande folk i Gronke, og etter som det ikkje var lenger veg ned i Hemsedal enn til Valdres, hende det av og tll at «Gronkjin», dei kalla, kom på gjesting om vinteren når det var bra skiføre (OR). Det går ogso søgner om at det skal ha vore ei heil grend med vinterbuande folk ved vatnet Helin lenger austpå Valdresase, *Helestrønde* dei kalla. Både Gronke og Helestrønde ligg på 900 moh. Verlaget har skifta ikkje so lite ned gjennom tidene, og i milde tidbolkar og når det var overfolka i bygdene, søkte folk lenger inn over fjellviddene enn dei elles gjorde. Langsmed Tessleim frå Lykkjun og sørover åt

Flyun var det bra furuskog i gamal tid, difor vart denne skogstrekningen kalla Lykkjemørkji (dvs. strekning med «mørk» skog). Ola Toregarde, som døydde 98 år gamal i 1859, kunne minnst denne furuskogen: «fo tykjist sjå koss gulberkjutn (furuleggene) stondo lyste i kveldssoln,» sa han «Hemsedal» s.14/23). No er det bjørkeskog. Namnet Lykkja (skriv Lecke, Løehen, Lychen) finst i gamle jordebøker frå 1578, 1617, 1657 (då er två gardar nemnde) og 1723 (två gardar med til saman fem uppsitarar), men busetnaden kan sjølvsagt vera mykje eldre. Truleg har det frå fyrst av berre vore ei inngjerd «lykkje», namnet tyder på det. So var det ein som busette seg der, og sea vart det fleire ved garduppdeling og ny rudning. Hagjin nørdest i grenden var truleg ein innhegna beitestrekning og vart so gardsbruk, Veslestølen var fyrst støl og vart so gard osv. Det er no två grender: nørde og søre Lykkja. Midt imellom låg Skiftesbakkjin, som no er nedlagd. Søre Lykkja har stølane sine på *Robøle* i sørhellinga av Lykkjekjølen der vegen over til Valdres går no. Nørde Lykkja har sitt stølslag nord opp for grenden, *Lykkjestølatn* dei kallar, så nær som Bubakkjin, som hadde sin støl ved Storevatnet neda Sørhjallen (som no høyrer Grohaug til). Uppe på Kjøle er det flatt lende for det meste, med vidsveimde myrdrag, der det jamt plar vera molter. Baklie ned mot Flyvatnet har det stade mykje strid om. Både valdresar og lykkjarar har vilja kanna til seg denne Lio. Etter det Hans Flaten fretta frå gamalt, heldt det på og skulle bli sak om eigedomsretten ein gong, og presten C. F. Gottwald (1776-1835) så so stort eit.

ord til han Store-Gunnvald (1769-1841) i Gunnvaldgarde at han nok skulde greie å sikre Baklie for lykkjarane dersom dei vilde spandere på han ein fin blå (gråskimlut) fole, som Gunnvald åtte. Slike folar var verd ein 15-20 dalar den gongen. Gunnvald var ikkje uviljug for sin del, dersom han fekk godtgjersle for det av dei andre bøndene. Men dei sette seg imot, og so gikk Baklie tapt for lykkjarane, seiest det. Hemsedølene vil ha det til det at valdresane fekk Baklie ved ein «snakarett», dvs. ein rett dei hadde snikt seg til. Dei hadde fyrst tigt seg til felæger nørdest på Kjøle, og til slutt kravde dei både skog og grunn. Fylkesgrensa går no frå der Flya renn ut or Veslevatnet aust for Robøle og nordetter langsmed brauta på austsida av Kjølén. Lengst i nord er det statSallmenning (frå Raudbekk og nordover). Langsmed vatnet er det funne groper med sinder etter gamal jarnvinne (myrmalmbrenning). Hans Flaten gjev og att ei historie til som syner kor «før se» Valdresane var. Dei hadde fått tak i eit skogstykke ein stad på vestsida av Tessleim, som det vart sak om. Det var Svenisen frå Aurdal som førde denne saka for aurdølene, og søksmalet skulde avgjerast på Nes. Svenisen torde ikkje møte sjøl, men sende i staden ein kjempekar dei kalla Marte-Knut. Uneer tiuget på Nes skjønnte golingane so mykje at dei kom til å tapa saka, og dei sag ikkje med blide augo på Marte-Knut. Han skunda seg difor opp over frå Nes att. På eit kviland der han var inne, kom det uventa nokre golingar inn og tok til å gje frå seg vondord. Knut tok ein brennevinsbuttell upp av lomma, sette buttelen på skåpet, la vottane sine jamsides - det sag

ut til at han berre skulde ut eit lite ærend. Men då han var komen bak låven, la han på sprang burti skogen og gøynde seg. Då golingane skjønnte at han hadde lurt dei skunda dei seg ut, sette seg på hestane sin og sprengreid oppover. Knut låg gøynd i skogen og sag korleis det gneista av heste-skodningen. Han drog skogleies oppover til han kom inn på Valdresvegen. Golingane kom etter og huga på han. Han huga att. Dei rei i krok og kryss, men han smatt unna og kom seg til Tessleim, der han hadde båt. Før det vart kjerreveg åt Lykkjun forbi sløslaga ved Skogshødn, laut lykkjarane enten ro med båt over Storevatnet eller reise kløvjavegen om Eikrestølane. Og vinterstid køyrde dei isane over Storevatnet og Vannen. Det kunne vera tungvint mang ein gong, og i svære uversbus var det uråd å koma til bygdars. Kjerrevegen vart ferdig i 1878, men er omlagd stykke for stykke fleire gonger. Vegen om Baklie over dammen ved Flyvass oset vart bygd i samband med vassdragsreguleringa' til Abjørnanlegget. Den fyrste motordrivne køyring mellom Lykkja og bygda vinterstid kom i gang vinteren 1953-54 med beltetraktor og tilhengjar, som køyrde kvar laurdag. I 1956 vart det brøytt med snøfresar og køyrt kombinert gods- og personbil, deretter beltebil (Weasel) fram til 1961. Etter den tid har Lykkja hatt brøytt veg med biltrafikk året rundt, og frå og med 1962 har Lykkja hatt skuleskyssrute til bygda. I det siste har det og vore dagleg postrute. Lykkja er soleis ikkje nokon innestengd grend lenger, slik som ho var det før. I 1961 fekk Lykkja sitt eige kapell, vigsla den 20. august. Det ligg på Gunnvaldgards grunn tett nordafor det gamle skulehuset, som no er grendehus. alt i 1883 hadde presten *Olaf Skattebøi* (1847-1930) gjort upptaket til ei stølsmesse i Lykkjun kvar sommar, og *Lykkjemessa* vart ein fast tradisjon. Messa samla ofte mykje folk fråstølsлага i Hemsedal, Gol og Valdres. Men møtelyden laut halde til ute i det fri, eller økje livd inne på låven i Gunnvaldgarde er som det slo i med regn. No samlastfolk i *Lykkjel kapell* kvar sundag heilesommaren og med visse

mellomrom vinterslider. Det er eit tiltak som både bygdafolket og feriefolket set pris på. (Sjå nærmare om dette i skriftet «Kapellet ved Skogshorn» av Trygve M. Davidsen og OlaRudvin, Oslo 1962.)kor mange menneske det budde i Lykkjun til dei ymse tider er vondt å veta. På sitt meste var det 18-19 bruk der, i min barndom 13, og so 12 i mange år, i nyare tiå er det kome til eit par nye bustader. Ein legg forresten merke til at det i eldre tid jamt over var mange store barneflokkari desse fjellheimane. No er det nok mindre vinterbuande folk enn før, men i ferietida om sommaren yrer det med folk i Lykkjun, med di det er bygt sers mange hytter, og det ser ut til å bli fleire år for år, heile hyttegrender å kalle.

Embrikgarden

Gnr 53, bnr 2, inr 564 b.

På Embrikgarde.

Skriveformer: Engebretgård, Embrikgård. Ligg synst i søre Lykkjun.

Åsmund Ivarson d 1763 budde her som kårmann etter å ha overgjeve den fyrste garden sin, truleg Toregarden, til Torstein, eldste son sin. Den andre sonen, Ivar, fekk Embrikgarden. Asmund var 1) g m ei Sunuev. Dei hadde: Torsteiu d 1767, bonde påToregarde. Asmund vart g 2) 1749 m Guuhild Torsteinsdtr Ålrust. Dei hadde sonen Ivar 1752 bonde på Embrikgarde. Det var skifte etter Asmund 22. mars 1763. For enkja møtte Andres Mekkelson Skøtedøkken. Formyndar for den 11-årige Ivar: hans bestefar Torstein Ivarson Ålrust. Embrikgarden vart taksert til 60 rdl. Ivar Asmundson vart g 1) 1790 m Astrid Ivarsdtr d 1797. Dei hadde: Åsmund 1791~859-68 bonde på Blingsmo i Nes (døydde i Reiargarde), Ivar 1795-1876-81 bonde på Turrhaug og i Reiargarde. Det var skifte etter Astrid på Bruvølle i Nes 17. oktober 1797. Takstmenn: lensmann Helge Tronsen, Nes, og Mekke! Arnegard. For enkjemannen møtte lensmann P. Viljugrein og for borna Ola Markegølo. Ivar og Astrid åtte Embrikgarden etter kontrakt av 1756. Ivar vart g 2) 1798 m Kari Embriksdtr: Embrik 1799, Helge 1801 bonde på Juven i Valdres, Ola 1804 bonde på Kammerud i Valdres, Mekkel 1806. - Store-Gunnvald Gunnvaldgarde og Ivar Embrikgarde var Lykkja sine kjempekarar. Og sønene til Ivar var sterke karar dei med. Helge på Juven ståka på Lykkjedanse i 1823 (sjå «Hemsedal» s. 164/174). Han var noko endefram av seg, som det heiter, og det hende at luringar for eit godt ord kunne få han til å jule upp folk som han ikkje hadde det minste imot. På ein auksjon på Fossheim vilde far til Ola Fossheim dragast med han. «Ja, fær e mat, ska e dragast,» sa Helge. Han fekk mat. Og drogst. Ola Kammerud var ogso med på Lykkjedalns og møttest med sjølvaste RøtnheimsKnut. Dei rende i hop for å dragast. Knut brukte eit av sine fule knep og fekk Ola overende med sama dei tok tak. Ola visste ikkje av det før han låg der. Og Knut begynte å slå. Det sag stygt ut. Men so kom det ein annan valdres, ein sprek kar, og slo til Knut med eit milebeiksel, so han laut sleppe taket. - Ivar låg ein vinterdag død under eit kjelkelass med vedstrangar i ein bakke ved Robøle. Han låg med reipenden kring uvleden. So kjøpte Store-Gunnvald i Gunnvaldgarde Embrikgarden og dreiv han samen med sin eigen gard. Då sonen Torleiv vart vaksen, fekk han Embrikgarden som sin ervelut. Han vart g 1) 1829 m Olaug Torleivsdtr Grøv 1810-35-25: Gunnvald 1830-1917-87 bonde i Grøvargarde, Ingebjørg 1832, Eli g m Herbrand Bleikfet i Gol, Torleiv 1835-73-38 ugift (døydde på Grøteteigji). - Torleiv vart g 2) 1838 m Anne Brandvøl. Omkring 1855 fløtte heile huslyden til Kårstad i Valdres. Borna til Torleiv og Anne: Hans 1837 d, Olaug 1838, Hans 1841, Ingebjørg 1842, Embrik 1844, Per 1846, Birgit 1848, Ola 1853. Jon Sveinson Storejorde g 1843 m Aune Mekkelstr Rundtupp f 1823 kom so åt Embrikgarde. Dei hadde: Svein 1844, Gunvor 1847, Mekkel 1850, Halvor 1853, Ola 1856, Torleiv 1859. Jon bytte gardar med Hans Mekkelson Rundtupp, verbror sin, g 1) 1854 m Ingebjørg Olsdtr Storejorde 1835-64-29. Dei kom no til å styre Embrikgarden. Hans dreiv ogso litegrand som smed. Born: Ola 1855 rtA, heim ein tur 1911, Guri 1857 d, Guri 1858 g m Hans Prestgardhusmoe, Harbo 1861 rtA (dotter *Ingebjørg Knutsdtr* 1882), Ingebjørg 1863 rtA. - Hans vart g 2) 1866 m Birgit Gunnvaldsdtr Bergo: Mekkel 1872 d, Margit 1873 d, Guri 1874, Mekkel 1876, Margit 1878, Gunnvald 1880, Anne 1881, Torleiv 1884, Guri 1886. Huslyden rtA i 1890. Embrikgarden vart då kjøpt av Birgits bror Hans Gunnvaldson Bergo 1849-1914-65 g 1) 1888 m Ingerid Ivarsdtr Anfinhaugji 1856-94-38: Margit 1890 g m Ola T. Veslestøle, Gunnvald 1892 fekk garden. Hans vart g 2) 1902 m Gunhild Sølvesdtr Mørken 1862-1934, syskinbarnet til Ingerid: Sølve 1902, Ingerid 1903 d. Gunnvald overtok garden 1914, g 1927 m Ragnhild P. Reiargarde 1897-1969. Han har vore ein driftig bonde. Bygt nye og vølt om alle hus heime og på stølen. Dyrka upp og jamna ut heile jordet heime og mange mål på stølen. Men han har hatt god hjelp i alt arbeid av halvbroren Sølve, som alltid var heime, ein tru tenar på garden. Gunnvald selde ei hyttetomt i 1960. Born: Hans 1927 har garden, Per 1928 g 1967 m Kristine O. Grøthe, har arbeidt hjå Hemsedal Maskinlag og som bygningsnikker', no bonde på Grøto 63-13, Ingerid 1931 har realskule og handelsskule, g 1962 m Halvor S. Hallbjørshus, han er gards styrar på Bakko (Intelhus) og dei bur der, Olaug 1932 g 1957 m Helge Norvald Lirhus frå Voss, disponent for Hemsedal Andelssag & Høvleri, har eige hus ved Løkji. Hans overtok garden 1955. Han fløtte el stugu upp i Slåtta og bygde nytt bustadhus heime på garden. Har hatt rutebilkøyring mellom Lykkja og Hemsedal. Har dyrka upp mykje jord, bygt nye hus på stølen og nye uthus heime. Har fleire hytter til

utleige. - G 1974 m May Cecilie Reiangard f Velsvik. Har sønene Hans Gunvald 1974 og Rune aleksander 1976.

Reiargarden

Gnr 53, bnr 5, lnr 566 a.

I Reiargarde. Skriv seg Reiergård.

Eit skiftebrev frå 1740 syner at det var skifte etter ein enkjemann Reiar Knutson Lykkjun (Lykken). Kona Berte Halvorsdtr (frå Torset) var død før. Det var fem born: Ingebjørg 1723, Knut 1724, Barbo 1727, Halvor 1729, Henrik 1731. Etter som kyrkjebøkene ikkje nemner noko om dåp av desse borna, må ein tru at huslyden var komen frå eit anna bygdalag, kan hende Gol eller Valdres. På skiftet møtte Knut Torleivson Ellbjøro (frå Gol) som «deres (barnas) nærmeste pårørende» Det som var å skifte, var mellom anna 10 stykke fe, 12 geiter og 5 sauer. Buet sto i skuld til Åsmund Lykkja, Ola Markegø o, Knut Lykkja, Gaute Lykkja, Endre Haugstad, Knut Ellbjøro, Svein Hallbjørshus, Gjermund Eikre, Johannes Rugnus, Embrik Lykkja, Hjørn Frøysak og dessutan 12 skilling klokkartoll for 1739. Ervernedelen til sonen Henrik sto inne i buet etter hans mor Berte, som det var skifte etter 8. juli 1738: 5 dalar, 3 ort og 19/1/2 skilling. Sonen Knut vart g 1748 m Guri Embriksdtr f 1725: Birgit 1748, Anne 1750-51-1, Anne 1752, Barbo 1755, Margit 1757, Sunnev 1762, Reiar 1765-1827-62 bonde i Reiargarde, Embrik 1769. Reiar fekk garden, g 1790 m Guri Torsteinsdtr. Han er omtala som ein iherdig fiskar. So snart han la ljaen burt om hausten, tok han fatt på fiskestølene. Garden har kan hende fått namn etter han. Born: Knut 1794-1834-40 bonde i Reiargarde, Torstein 1797-1838-41 bonde påBakko, Guri 1801-52-51, g 1824 og 1831, Embrik 1804-55-51 bonde i Reiargarde, Gunhild 1808, Margit 1812 d. Knut, Reiar-Knut dei kalla, fekk garden. G 1821 m Barbo Sveinsdtr Ullsåk (dotter til lensmann Svein Hølle) 1803-89-86 (ho vart gift tre gonger: 1821, 1835 og 1850). knut og Barbo hadde: Guri 1822. då Knut døydde, fekk broren Embrik garden. Reiar-Embrik dei kalla vart 1837 i Birgit Tronsdtr Grøto 1812-57-45 (seinere ble g m Asle Grøto). Del var barnlause, Guri syster til Embrik, fekk garden. Ho var fyrst g m ein Ola Olson, bonde på Intelhusbakko. Då Ola døydde 1827, vart Guri gift att med Ivar Ivarson Embrik garde 1795-1~76-8~. Dei budde i Turrhaug før dei kom att at Reirgarde.. Ivar hadde før vore gift (1829) med Kan Bjørnsdtr Jodøkk 1801-30-29. Dei var barnlause. Ivar var malar. Han hadde lett for å lære og var flink til å skrive. I yrket sitt var han sas dugande, malinga hans sat godt, vart det sagt. I den tida laga dei malinga si sjølve og kjøpte det som skulde til, frå byen. Det var lett å fuske for dei som vilde, men Ivar brukte solide saker. Likevel gjorde han ikkje alle til lags. Han brukte for mørke farger, sa somme. Dei herrnde etter Lars Markegølo: «Han ha mala med turrhaugjord o myresverte no!» Ivar var brå i seg, men angra seg fort. Han var eingong so sinna på kjæringa si at han truga henne til å gå ned i kjellaren. So rulla han stabben burt på kjellarlemmen og sette seg der. Men belet etter tok han stabben burt og bad henne koma upp att. Stabben, ja! I kvar setestugu var det ein stabbe i vedron ved peisen. Den nytta dei til å telje på, og hogge ved på om det trongst. økonomisk svinga det upp og ned for Ivar. Stundom var han arm, og stundom rik. I Reiargarde hadde han ei kårstugu sist på. Ho brann ned. Av det som gikk med, var den kjæraste boka hans: «Prestepina» dei kalla. (Boka var skriven av den tyske presten Michael saxe og kom ut på tysk i 1593. Ho vart omsett til dansk-norsk alt i 1602 av Oslo-humanisten Hallvard Gunnarson. Rette titelen var «En liden aandelig Spørgsmaalsbog», og ho var forma som spørsmål og svar med Bibelen som grunnbok. På folkemunne vart ho kalla «Prestepina» og vart umåtelige populære. Dei trur at ho kom burtimot 20 opplag her i landet, siste gangen i 1863. OR). Borna til Ola og Guri: Gunhild 1825 d, Gunhild 1826, g m Mattias Sylpeberget, Brøttum i Ringsaker. Barnlause. Ho levde enno i 1896. Då var halvbroren Ola Storejorde og dottera Gunhild på vitjing hjå dei. - Borna til Ivar og Guri: Kari 1832, gift til Ullensaker, ho og mannen rta, og baa døde før 1906, Ola 1835-1907-72 bonde på Reiargarde, Storejorde og Haugji, g 1859 m Ragnhild Olsdtr Storejorde. Bytte gardar med Ingvar Haga på Storejorde. Ingvar 1837-1928 vart g 1861 m Anne Olsdtr Storejorde 1841-1923. Born: Olang 1861-67-6, Barbo 1864 g 1891 m Halvor Eidsberg, Sørbølhaugen i Gol, Olaug 1867-1954, hadde garden, Oline 1874-1900-26 g m Ola Ålstveit, Margit 1870-1953 ugift, Ingebjørg 1876 d, Ingebjørg 1877 g m Torleiv Toregarde, Ragnhild 1880-81-1, Torstein 1882 d, Torstein 1884-89-5. Olaug som fekk garden, vart g 1895 m Per Olson Eikre 1862-1950. Ved utskifting mellom Toregarde og Reiargarde, som låg tun i tun, måtte Per fløta husa sør ned der dei står no. Per var ein ivrig fiskar. Han gikk og rusla med fiskestonga sør i Flya like til sist på han levde. Var noksa tunghøyrd på slutten. Borna til Per og Olaug: Anne 1895 g 1926 m Olav Rugnus, Vestre Slidre (born: *Maria* 1927, *Helge* 1929, *Per* 1931-73, ingeniør, *Arne* 1933, *Olaug* 1937), Ragnhild 1897 g 1927 m GunvaU H. Embriksgarde, Ola 1898-1966 hadde garden, Oline 1901 g 1930 m Olaf O. Storejorde, Ambjørg 1903 g 1946 m bonde Kristoffer Tørstad, Vestre Slidre (born: *Olaug Jorund* og *Kjell Peder* 1949 tvilingar, *Trygve* 1950), Kari 1906 tener i Oslo, Ingerid 1907-35 ugift, Olaug 1910 g 1943 m Knut Møllerplass. Ola hadde garden frå 1934, g 1936 m Anne E. Bergo f 1900. Han bygde ny

stølsbu og dyrka upp mange mål jord heime og på stølen. Selde mange hyttetomter heime og i Høvdestøl-slåttun. Ei haugafolk-søgn frå Robøle, fortald 1964 av Ola: "Ei hulder kom te'n Marte Toregarde (1836-1903) o sa: Du vilde 'kji gå nord te dessa kjæringen o sea det ved ho at ho ska halde styr på guto sine, før me ha før butt sy Brendehaugji, men no bu me beint unde dørstøkkji henne! Men ho Marte gikk ikkji fysste venda. So kom huldre att kvelden ette o sa det sama. Då tørde 'kji ho Marte la vera, men gikk o så det te dei kjæringen. o då vart det stilt. Dette hende på dei gamle Gunnvaldgard-støle. Difør har den garden två støla. o den eine har nabnet Nystøln. Dette ha ho Marte fortalt te mor mine.» - Ola var sjuk av kreft den siste tida han levde. Borna til Ola og Anne: Olaus Ragnhild 1936, Ellen Ingrid 1938 g 1967 m Asle Haugstad, Gol, Per 1941 fekk garden. Dei två systrane fekk kvar si hyttetomt i Høvdestøl-slåttun 1967. sama året overtok Per garden. Han vart g 1967 m May Cecilie Velsvik frå Hurdal f 1946. Selde mange hyttetomter og bygde nytt, stort sauehus. Born: Anne Grethe 1968, Frank Ove 1970. Ekteskapet oppløyst. - May Cecilie vart g att 1974 m Hans Embriksgarde. Per selde garden til Ellen og Asle Haugstad 1972. Dei har: Ole Erik 1967, Anne Berit 1969.

Toregarden

Gnr 53, bnr 3, lnr 565 a.

i Tortigarde.

Vanleg skriveform: Toregård.

Ola Ingvarson Grøv, Grøven dei kalla, kjøpte Toregarden av Tomas øygarde i pengenedslagstida kring 1812, fortalde Gunnvald Grøvargarde. Grøven selde tre fjorkviger og betalte garden med det. Grøven bytte so gardar med Ola Toreson, som budde i Grøvargarde. Denne Tore-Ola dei kalla, var ifrå Geiteberg i Valdres og var ein av dei som var med i krigen 1814. Han dyJydde 98 år gamal i 1859. Tore-Ola vart g m Ragnhild Embriksdtr Gunnvaldgarde 1777-1842-65. Dei hadde: Tore 1797 d ung, Sigrid 1800 g m Tore Grøto, Sunnev 1803 g 1825 m Knut Person Fekjo, Margit 1806 g 1828 m Ola Toreson nørde Haga, Tore 1808-66-58 bonde i Toregarde, Kari 1812-33, Anne 1814, Embrik 1817 d, Embrik 1818-58-40 bonde i Jøtun (Ålstveit), Ola 1824-68-44 ugift. - Tore-Ola vart g andre gongen 1846 m enkje Gunvor Olsdtr Storejorde. - Semlen i Eikre fortalde at dåTore-Ola og Ragnhild gifta seg, «voro dei so bløtte følk at dei ikkje åtte skikkeie sengjpløgg. Han hadde ein feld, og ho tok døse si te kvitil. Men dei kåmmo se upp. Han slo mykje størr sy Mørken og stekte'n der. Dersom ein har ein sveg-ring kring slakken øvst o so sveg nedåver o dreg dei gøtt te, heldt foret se like so gøtt i stakk som det vøre unde tak. Høvdestøin, som va 5-6 teigji, va langstøl åt Reiargarde og Toregarde før dei vorto bytt. Reiargarden fekk Høvdestøln o Toregarden fekk Sletteluteigen.» Sonen Tore fekk garden. Vart g 1833 m Margit Rølløng frå Valdres, død 1869 kring 70 år gamal. Desse folka var noko småvirke av seg, især ho. Men ho hadde då sine tankar ho og. «Engang jeg hørte henne prate, siterte hun de ordene av Prudentius (Salmediktar i den gamalkristne tida): Lad oss i sorgen ei synde, i døden vi livet begynde. Hun døde brått» (HF). Borna til Tore og Margit: Ola 1834 rtA, levde ugift, Ragnhild 1839-59-20, Birgit 1842-47-5, Anne 1845, g m Eivind Bakko, rtA. Ingvar Nilsson Viljugrein og kone Sissel Ivarsdtr budde so i Toregarde ei tid omkring 1860. Dei kom frå Hødn (sjå der) og reiste frå Toregarde til Rye i Valdres. Ingvar kunne ikkje finne noko godt vassbol i Toregarde. Reiste like til Vis-Knut i Gausdal og spurde kvar han skulde grava brun. Knut spurde om det sto två stugu tett samen der. Jau, det gjorde det. Ja, so får de leite mellom dei två då, sa Knut. Ingvar kom seg ikkje til, men Embrik, ein av dei neste eigarane, grov der i 1883. Han kom ganske snart ned på grunnfjellet, og minere vilde han ikkje. Men kanskje VisKnut sag ei vass år nede i berget (HF). Etter Ingvar budde Nils Ivarson Båste der i tre år. Drog sea til Valdres. Han selde garden til Embrik Torsteinson søre Haga. Embrik 1841-1904-63 vart 1867 g m Marte Embriksdtr Steinteigji 1836-1903-67. Dette barnlause ekteparet var av dei flinkaste i bygden til å dra i hop av verdens mammon. «De var hva man alminnelig kaller «gode følk». Men det er en upalitelig bruk av ordet god. Ikke alle rike folk er gode. Det forstår du nok når du tenker deg om. Mangen fattig kan være god, mangen rik kan være ond. Og omvendt. Mangen rik kan ha fått meget av sin rikdom ved å flå andre. «Det har alltid vært st. i verden, at de som er fattig st på gods og gull, har stått høyest i virkelig sjelskultur.» er det blitt sagt. På Marte satt et av de gløggeste hoder, som har sittet på en stakkeklædt kropp her i bygden. Hun var av de mennesker som kan komme ut med hva de tar seg fore. Og som ikke tar seg fore med annet enn det de kan komme ut med. Og tankegang og behendighet i å realisere den. Intelligens og takt. Det kom henne meget til gode i hennes styr og stell i konens yrke på gården. Stor buskap satt hun med, og alt lykkes og trivdes under hennes hånd. Trengte noen i grenden råd, så søkte de det hos Marte. Størst nytte gjorde hun kanskje grenden ved å være jordmor» (HF). I 1877 selde dei garden til Embrik Steinteigji 1842-82-40 (bror til Marte), g 1877 m Margit Embriksdtr Skar. Born: Guri 1878-79-1, Embrik 1880 bonde i Torsethaga. Men alt i 1882 fløtte Embrik og Margit åt Skølt, og Embrik og Marte tok att Toregarden, som dei hadde til dei omkring 1896 selde han til Embrik Olson Snerte, g 1895 m Kari Persdtr Markegølo d.e. 1871-1909-38. - Marte skranta det siste halvåret ho levde, og siste veka låg ho til sengs. Embrik vilde hente doktor.

«Nei,» sa Marte, «det muna kji.» Ho døydde kynddsmessdagen. «Du kjem snart ette du med,» hadde ho sagt til Embrik. Og det gjorde han. Aret etter var Embrik på veg til å gifte seg att. Var til Halvor Ålstveit og fekk skrivi eit sereigedokument med tanke på det. Det var fredrag 21. oktober. Gikk åt Lykkjun att i kveldesetun. Då han kom til Sørehjalle, fekk han ilt for bringa. Vcl ei veke etter døydde han. Embrik og Kari hadde desse borna: Eline 1895, Ola 1897, Margit 1899, Kirsti 1900 d, Per 1902 03-1, Kirsti 1904 d, Per 1905 d, Per 1907, Kirsti 1909 d. Omkring 1911 selde Embrik Toregarden til Torleiv Gunnvaldson Grøvargarde, g 1910 m Ingebjørg Ingvarsdr Reiargarde, , og kjøpte foreldregarden Snerte av Trond, bror sin, som då fløtte til Fekjo. Torleiv arbeidde garden bra fram. Bygde nye uthus, bustadhus og fjøs og bu på stølen. Han og sonen Gustav dyrka upp mange mål myr og fastmark og selde ei hyttetomt på stølen. Ingebjørg døydde i 1955 og Torleiv i 1960. Born: Ingvar 1911-14-3, Gustav 1913, Inga 1920, sjukleg. Gustav tok over garden 1943, g 1954 m Ragnfrid Grøvargarde f 1908. Han bygde nytt bustadhus og ny garasje. Har selt 7 hyttetomter i Jorde-slåttun og heime på garden.

Gunnvaldgarden

Gnr 53, bnr 1, lnr 564 a.

i Gunnvallgarde.

Vanleg skriveform: Gunnvaldgård. Den fyrst nemnde her: Gunnvald Embrikson 1728-1767-39 g 1762 m Sunnev Torsteinsdr 1740-1783-43. Dei hadde sonen Rmbrik, som skulde hatt garden. Men han tykte marka var for blaut kring fjøset, bygsla difor Veslejordet og let halvbroren Gunnvald få odelsgarden. Sunnev vart g att m ein Embrik Olson frå Finnesgarde i Gol. Han var handelskar og kom også åt Lykkjun på ferdene sine. Der vart han buande som tilhaldar i Gunnvaldgarde. Folkesnakk vilde ha det til at han og Sunnev hadde eit godt auga til kvarandre alt medan fyrste mannen levde. Embrik vart kalla «Stiruppen» og lyden hans «Stiruplyden». Av ætta etter Sunnev vart det buande folk på kvar einaste gard i Lykkjun. Embrik var ein snerpen kar. Og Sunnev var sterk. Ho var med og hogg tim mer sør i Lykkjemørken og greidde tylvta like radt som Embrik. Dei hogg so mykje timmer at dei ikkje fekk bruk for alt. Gunnvald Grøvargarde sag korleis lunnane låg der og rotna då han gjætte der kring 1845. Då hadde dei lege der ein

mannSalder. Sunnev vart ikkje gamal. Men Embrik budde som kårmann i Gunnvaldgarde til han døydde 70 år gamal i 1811. Borna deira var: Gunnvald 1769-1841-72, bonde i Gunnvaldgarde, Ola 1771-1832-61, bonde i Bubakka, Torleiv 1774-1851-77, bonde i nordre Haga og på Jordheim, Ragnhild 1777-1842-65 g 1797 m Ola Toreson Toregarde, Torstein 1781-1855-74, bonde i søre Haga. Gunnvald fekk garden. Han vart kalla Store-Gunnvald, og etter han skal garden hil fått namn. Gunnvald var som ein konge i grend en. sat der med stor budskap, rik, stor og sterk, reint ein marafant, seiest det. Dei herrnde etter han: «Dei sea det æ kara no, men det æ kje meir enn bakenden tå ein kar mot nå e vaks upp!» (Gamle Eivind). Kjøpte og dreiv Embrikgarden attved sin eigen. G 1794 m Ingebjørg Persdr Grøv 1772-1857-85. Dei styrde

godt kvar på sin kant, so styrmaden gikk parrneitt, som det heiter (dvs. lasset går på tåe meiane). Styrer den eine mindre godt,

heiter det at lasset går på den eine meien. Dei fødde over 20 nautskrytyr, derav 18 mjølkekyr. Etter det folk sa, trivdes buskapen så det var svær flo. Dei selde matvarer både til Hemsedal og Valdres. Dei slo finntopp og stort oppå Kjølén, og *Jonsrud* var heimstøl. «Når e kjem te Jonsrud, bli kyndne i full mjelt som høgssommars,»herm de dei etter Ingebjørg. Ho kom der åtte dagar fyre Jonsok. På andre støslag plar dei rekne at kyrne er i beste mjeltened syftesok (2. juli). Gunnvald syntest at dei alltid hadde for små uksar og let Ingebjørg få høyre det. So tenkte ho at ho skulde gjera han ei pelernente for dette her. Sjølfortalde ho det slik: «Me. sette på ein uksekælv fem viku fyre jul. E ol han med spenamjøl i sjau viku, ga hana so duvele at det sto att mjøl i askji. Men då me slepte krytyre ut om vårn, va han så god at han tok alle kyndne. Men då lo

han Gunnvald med, då!» - Ingebjørg døydde hjå Sunnev, dottera si, på Ålstveit. Borna til Gunnvald og Ingebjørg: Embrik

1795-1826-31, ugift, Per 1798-1877-79, bonde i Gunnvaldgarde og på Storejorde, Torleiv 1801-02-1, Torleiv ca 1803-1883-80, bonde i Embrikgarde og på Kårstad i Valdres, Ola 1806-46-40, bonde på Storejorde, Sunnev 1809, g m Ola Svein son bonde på Storejorde og sea Ålstveit, rTA. Den tid den danskfødde C. F. Gottwald (1776-1835) var prest i Nes, Gol og Hemsedal (1820-35), var konfirmantane ofte noksagamle. Det hende at gjenter sto med kvekt barn under brystet på konfirmasjonsdagen. Sunnev Gunnvaldgarde var 18 år då ho skulde konfirmerast, og ho venta seg fyre konfirmasjonsdagen. Faren skulde bli, var Ola Sveinson Storejorde. Gunnvald tok seg ein tur heim i bygda, sat hjå verbror sin, Ola Person Ullsåk og venta på presten. Då han kom, gikk Gunnvald ned på veggen til han og fortalde korleis det sto til. Det vart d't ordna slik at det skulle bli konfirmasjon alt

fyrste messa deretter, den 9. september 1827. Sunnev vart gift messa deretter, 30. september. Barnet kom 1. novemver og vart døypt nyårsdagen 1828. Gunnvald betalde presten 60 dalar for den benka, vart det sagt. Ved konfirmasjonen i Hemsedal 28. juni 1835 var det i alt 63 gutar og 47 gjenter, men då hadde ikkje Gottwald hatt konfirmasjon sidan 20. mai 1830, og alderen påkonfirmantane var deretter: Sjugurd Slettbaug 20 år, Henrik Imre 21, Sjugurd Hallbjørshus 20, Ingvar Tuv 22, Embrik Grøto 20, Knut Hustad 23, Per Rese 20, Ola øygarde 23, Ola Finnset 22, Andres Finnset 21, Eirik Lien 21, Ola Kyrkjebøn 22, Arne Berg 21, Ingvar Venåse 21, Nils Finnset 19, Per Strønden 23, Herbrand Skøyte 21, Knut Imre 17, Svein Flategro frå Gol 17, Tore Grøto 20, Andres Haug 21, Herbrand Skar 22, Andres Trøym 21, Ola Moen 20, Halvor Snogsrud 21, Lars Venåse 19, Ola Langehaug 16, Ola Huso 19, Ola Lauvset 19, Ola Sletthaug 18, Mekkel Skøyte 18, Torkjell Torkjellhaugji 16, Torstein Fauskemoe 23, Asle Ålrust 17, Vilhjem Langslett frå Nes 20, Ola Stunde 18, Torleiv Hustad 19, Ingvar Rusto 19, Ola Eikre 18, Torleiv Eikre 21, Helge Berg 24, Jon Lykkjun 20, Embrik Lykkjun 17, Lars Grøv 23, Ingvar Grøv 23, Bjørn Palhuso 24, Andres Ålrust 19, Hans Reiersletten 23, Ola Lykkjun 19, Mekkel Mørk 26, Hans Hustad 24, Vilhjem Grøndale 20, Ingvar Olsen 18, Ola Rudningji 22, Asle Sprikji 27, Embrik Hensrud 18, Tomas øygarde 23, Eirik Kyrkjebøn 22, Ingvar Vøllø 23, Embrik Torset 21, Steingrim Grøndalshaugji 23, Ola Haugseigo 21, Ivar Grøndalseigo 21, - Ingerid Ålrust 20, Velgjerd Jordheim 19, Gunhild Torset 20, Mari Rese 17, Margit Bubakka 16, Margit Torset 17, Ingebjørg og Anne Brekke frå Gol 20 og 19, Margit Viljugrein 21, Kristi Graset 19, Barbo Tuv 19, Kari Hustad 20, Mari Brøto 20, Gunhild øygaard e 19, Ingerid Strønden 20, Rangdi Nyhus 18, Anne Hølleigo 21, Olaug Sjøheim 20, Margit Træe 20, Sunnev Furuhaug 19, Kari Venåse 18, Anne Brandvøl 22, Ingerid Brandvøl 21, Anne Døkk 19, Guri Sprikji 20, Margit Grøndalshaugji 17, Kari O. Eikre 16, Kari I. Eikre 16, Birgit Hjelme 16, Rangdi Hjelme 17, Rangdi Torset 19, Kari Grøndale 17, Anne Torset 16, Sigrid Hustad 17, Gunhild Grøv 18, Sigrid Lykkjun 16, Margit Rudningji 22, Mari Sprikji 23, Anne Venåsbakko 18, Turid Hølle 18, Margit Ullsåk 18, Ingerid øyn 21, Olaug Ullsåk 21, Sigrid Dølehuse 17, Kari Hensrud 15, Kari Høllemeoe 17, Ingebjørg Torsethaugji 20. Embrik, eldste sonen til Store-Gunnvald, skulde hatt garden. Men ein varm sommardag sørpå Robøle skjena bølingen han overende, han vart sjuk av den støyten han fekk og døydde. Broren Per fekk so garden, g 1828 m Margit Eivindsdtr Høvdæe d.y. f 1802. Barnlause. Dei bytte gardar med Ola og Sunnev Storejorde.

Ola og Sunnev hadde Gunnvaldgarden berre ei stutt tid og fløtte so til Ålstveit. So kom Ola Jonson og Sunnev Torleivsdtr Imre dit ei liten tid. Dei kom frå nørde Haga og reiste att til Prestgardshuso. Neste eigar var Narve Sveinson Ålrust g 1854 m Kari Larsdtr Markegølo. Dei bytte gardar med Embrik Torleivson Jordheim 1803-85-82 g m Ingebjørg Sveinsdtr Ålrust 1809-76-67. Borna deira kom til på Jordheim. Sjø Jordheim (Jorde). Torleiv, son deira, 1840-1926-86, fekk garden, g 1868 m Guri Olsdtr Storejorde 1843-1906-63. «Den Guri og Ingerid Embrikgarde var syke og var hos doktor Olsen samme dag, da han var på sin månedstur i Hemsedal i oktober 1894. Guri sa til meg:

«Me få følgjast te graven, e o ho Ingjiri ja, nå me endå fått følgjast!» Jeg måtte minnes hva presten Uchermann sa i en preken i Hemsedal: «Det at mennesket må gå inn i døden alene, det er det som gjør hjertet så svakt. Det øker frykten for redslen es konge.» K. i. Boye synger: «Med troens skjold utruste du den bange sjel mot dødens gru.» Og Grundtvig: «Vår skapning grant og kjenner du og vet vi alle sel med gru vårt timeglass utrunnet.» Ingerid døde samme høst, men Guri levde ennå i 12 år. Sommeren 1906 i august ble hun sterkt syk av tarmslyng. Tredje dagen kom doktor Sundt der. Han sa: «Hun har att bare noen timer», og slik ble det» (HF).Borna til Torleiv og Guri: Embrik 1869-9223, Ola 1872-73-1, Ola 1874-98-23, var med

i krig på Pilipinane og fall der, Ingebjørg 1876 d, Svein 1877-1953-76, bonde i Gunnvaldgarde, Ola 1880-1967-87, var 8 år i Amerika, sea bonde på Veslestøle, Endre 1882 rtA og vart gift der med ei gjente frå Trøndelag, Svein 1883 d, Svein 1884 d, Ivar 1885 d, Ivar 1890 rtA. Svein fekk garden, g 1913 m Anne Trondsdr Båste d.y. 1885-1971-85. Svein var den fyrste postberaren til Lykkja, hadde dette yrket frå 1. april 1905 til 29. oktober 1949, godt og vel 44 år. «Han Svein» som dei sa i grenden, var som skapt for eit slikt yrke: stor og kraftig, uredde og modig, men roleg og omtenkt og sterkhelsa. Desse eigenskapane var det godt åha når det røynde på, som det ofte gjorde. Som t.d. om vintrane når snøen gikk til knes og skiene ikkje glei, eller når uveret rasa so ein mest ikkje sag vegleia. Men alle turar vart gjorde på dagen i alle desse åra, so nær som ein einaste ein. Den gongen laut han vente til neste dag. Ofte gikk heile dagen med, frå 6-7 om morgonen til 7-8 om kvelden. Tvo gonger var ulykka nær på Storevatnet. Ei natt hadde linnveret laga råk i isen der skiløypa hans gikk. «Men måneskjenet den mørgon redda me frå å gå beint i vatnet.» sa han. Den andre gongen var sist på vinteren. Isen veikna kvar time i solskinet. Brått sto han ved ein flekk der isen var so blaut at skistavane gikk igjennom. Eit steg til, og det hadde bore igjennom. Han tok eit steg attende, gjorde ein sving, og der heldt isen. Som påskjøning for si lange og plikttoppfyllande postbeorartenest fekk Svein i 1949 Kongens fortentstmedalje. - Svein var og ein dugande bonde. Bygde nye og vølte om gamle hus heime og på stølen og dyrka upp mange mål jord. Han døydde sommaren 1953 etter eit slagtilfelle han fekk med han var ute i onnearbeidet. Borna til Svein og Anne: Guri 1914, g

1944 m Ola i. Grøthe (Bygdheim), son til postopnar John Grøthe, Ingrid 1916, g 1940 m Rasmus Eikre, son til lærar Lars Eikre, Ingebjørg 1917, g 1953 ro murmeister Oskar K. Hobbestad, Hokksund. Guri og Ola tok over garden 1945. Ola kommunemann. Bygde nytt bustadhus, stor forlåv nedst på eidedomen og hytter til utleige i Svang-slåtta. Har dyrka upp mange mål jord heime og på stølen. Ola og Guri gav gratis tomt til Lykkja kapell, som vart bygt på deira eidedom. Born: Jon 1946, landbruksskule, har garden, Anne Gunhild 1948, har lærarpost i øygarden herad ved Bergen. Jon overtok garden 1969. Med god hjelp av faren bygde han store solide nye uthus og ny bu på stølen. Har selt ei hytte med tomt og ei hyttetomt og har bygsla bort ei til. Har dyrka upp mange mål jord og dreiv dessutan med griseoppdrett.

Bakko

Gnr 53, bnr 6, lnr 566 b.

Uppå Bakka, ogso kalla Lykkje-Bakka

til skilnad frå dei andre Bakka i bygden.

Ligg rett opp for Gunnvaldgarde. Torstein Reiarson Reiargarde 1797-1838 41 rudde tomt der fyrst. G 1831 m Margit Ivarsdtr lordheim d.e. 1801-56-55. Margit døydde hjå Reiar, son sin, i Harahaug. Ho er då nemnd som kårkone. Dei hadde borna: Guri 1833, Reiar 1835, som budde ei tid i Harahaug, rtA. So budde på Bakko ekteparet Ingvar Embrikson Veslejerne 1806-63-57 g 1838 m Gunhild Knutdtr Torset 1815-59-44. Born: Guri 1836-1900-64, g m Torleiv søre Hødn, Embrik 1839, g 1870 m Anne E. Hensrud, Knut 1840-1929 bonde på Bakka, Bjørn 1841-85-44, ugift, døydde som tilhaldar i Berg, Sjugurd 1842, Ola 1844 bonde på Kven, Ingvar 1848 rtA, g m Barbo Olsdtr Vøllo f 1845 (i Hemsedal hadde dei: *Guri* f 1871), Gunnvald 1850 rtA, Embrik 1853, Olaug 1856 g 1884 m Knut Sletta, rtA. Seinare budde på Bakka Eivind Nilsson Viljugrein 1835-92-57 g m Anne Toresdtr Toregarde f 1845. Av far sin hadde Eivind lært seg å vøle gryter. Born: Ingebjørg 1863, Margit 1866, vart g m Tor Brøto (1m re), Birgit 1869, Nils 1872-73-1, Kari 1874, Nils 1878, Tore 1881, Ola 1885, Ragnhild 1889. Då Anne vart enkje, reiste ho til Amerika, og det gjorde ogso alle borna så nær som Margit. Birgit og Kari var heim att til Hemsedal ein sommar. Så kom Knut Ingvarson attende til Bakka etter å ha butt som tilhaldar på Imre, Strønden og i søre Venåsbakka. Han dreiv ei tid stor fe- og hestehandel. G 1878 m Kari Persdtr Høllebakka d.e. 1854-1932. Born: Ingvar 1879 rtA og vart farmar, vart ute for ein olm ukse, som stanga han i hel, Kari 1880-1971 g 1902 m Embrik Stigji 1879-1966 i Valdres, dei budde i Hølln i Ulnesbygden og skreiv seg Holden (born: *Torvald* 1903 g m Thea Sundheim og fekk gard med henne, tre born, *Knut* 1905 skulesjef i Nord-Aurdal g m Margit Andersen, ei dotter, *Emil* 1907 bonde på farsgarden g m Hilda Hagen, tre born, *Berit* 1909 g m Peder Jørgensen, Bærum, ein son, *Ivar* 1911, reiste til Canada 1929, *Kristine* 1914 g m Arne Ryebakken, ei dotter, *Torbjørn* 1919 byggmeister g m Gunhild Purkestad, Etnedal, två born, *Inga* 1921 g m treskjerar Ottar Sæther, Ulnes, ei dotter - opplysningar frå skulesjef Knut Holden), Gunhild 1881 d ung, Per 1884-87-3 d av difteritt, Nils 1885 rtA, heim att ein tur 1961, døydde brått av slag 1962, Per 1889 rtA, g 1918, han og kona Cora heim på vitjing 1964, Gunhild 1892 g 1918 m Torstein Kaspersen, Skoger, Knut tvilingbroren 1892-1953 bonde på Bakko, Oline 1896-1973 g 1943 m Jul O. Haga i Ulnes d 1973, barnlause. - Trass i tronge kår skapte Kari ein gjestfri og uneleg heim især for sine truande vener. Dei vakte så upp til henne som ei åndeleg mor (OR). Knut overtok garden, g 1928 m Torlang O. Fauske frå Røn i Valdres. Knut var ein tru slitar. Kjøpte ei slätte like nordafor eidedomen, den høyrde då Grøvargarde til, og eit jordstykke frå Gunnvaldgarde. Dyrka upp heile heimeeidedomen og mykje på stølen. Ein meinlaus mann, fast i si kristentru. Døydde av lungekreft på Dram men sjukehus. Born: til Knut og Torlaug: Oddvar 1930 bonde på Bakko, Kåre 1932-73, køyrde lastebil for Thomas Langehaug, g 1963 m Ingrid Grethe Haugen, Gol, busette seg på det tidlegare Løkji skulehus (born: *Mona* 1963, *Johnny* 1970), Sverre 1936 g 1965 m Kari Eikre, driv som bil- og maskinkøyrar, dei bur hjå hennar foreldre, har bygt seg hytte ved Bakko (born: *Lars* 1966, *Monika* 1969). Oddvar overtok garden 1968. Har dyrka upp mykje jord og bygt nytt uthus, har spesialisert seg på peismuring.

Bergo

Gnr 53, bnr. 35.

Ned unde Bergo

(garden ligg nedafor nokre bergknausar).

Lykkjarane ga han Gunnvald Embrikson Veslejerne, som då budde på Skiftesbakka, lov til å røa og byggje seg heim i skogen ried unde bergo kring 1840. Han hadde før butt eit års tid på Jonsrud, heim stølen åt Gunnvaldgarde. Gunnvald vart also buande like nedafor og broren Ingvar like ovafor Gunnvaldgarde, baa på kvart sitt stykke av sin fars odelsgrunn. Ingvar døydde hjå Gunnvald, bror sin. Gunnvald 1803-77-74 vart g 1840 m Margit Hansdtr Brandvøl 1810-85-75. Born: Birgit 1840-42-2, EIObrik 1842-1905-63 bonde på Bergo, Birgit 1844 g m Hans M. Embrikgarde rtA, Hans 1849-1914-

65 bonde på Embrikgarde, Guri 1853-84-31 g m Asle Anfinhaugji. Embrik fekk garden, g 1887 m Ragnhild Embriksdtr Bubakka d. 1856.-1933. Embrik var ein sers truverdige og flinke arbeidskar. Kravlaus. Dreiv. mykje som murar, også muring av peispiper. Em vinter drog an heim i bygda for å hjelpe Ivar Hallbjørshus, verbror sin, med å rive ned låven, for husa skulde fløtast etter ein utskifting. Dei skulde nettupp til å lyfte upp Oløningsasen. Då glei Embrik, datt ned og slo seg så at han uveta. Han døydde dagen etter. Born: Margit 1888 d, Margit 1889 g 1918 m Ola Hatte i Gol, Gunnvald 1892-1963 hadde Bergo til 1921, Embrik 1894-1934 tenestgut, ugift, Ola 1896-1941 ugift, hadde Bergo frå 1921, Anne 1900 g 1936 m Ola P. Reiargarde. Ola gjorde mykje godt arbeid på garden dei 20 åra han hadde Bergo. Bygde nytt fjøs, stabbur og stugu og dyrka upp 30 mål myr, eit stort tilskot til eigedomen. Gunnvald vart g 1918 m Inger Knutsdtr Haugset frå Ulnes i Valdres og hadde Haugset til broren døydde. Då kom han med huslyden sin til Bergo att. Born: Engebret 1919, Ragna 1923 g 1946 m Arne Fjæren i Lykkjun, Ingrid 1931 fabrikkarbeidar i Sverige g 1966 m Edion Sjøberg, Stockholm. Gunnvald bygde nytt fjøs på stølen og dyrka upp mange mål jord. Selde tre hyttetomter i Bergostølslåttun. Inger døydde i 1973. Engebret, son hans, overtok garden 1963, g 1945 m Anna Nilsdtr Haga f 1927. Engebret er bygningsarbeidar. Har bygt nytt bustadhus og ny driftsbygning i Bergo, har dyrka upp ein god del og selt ei tomt i Bergostølslåttun. Born: Nils G~org 1945, Arne 1947 g 1970 m Ingeborg Vike Jacobsen f 1949, dei bur i Oslo (dotter: *Anette Marie* 1972).

Skiftesbakkjin

Gnr 53, bnr 9, Inr 567 c.

Pd Skiftesbakka. Nedlagt bruk.

Skiftesbakkjin låg sør upp for Veslejorde. Heitte soleis fordi eigedomen låg sør til bekken som var dele mellom søre og nørde Lykkja. Stugu på Skiftesbakka var det fyrste skulehuset i Lykkjun. Lærar Johannes øverland frå Bø i Telemark hadde siste skulevinteren sin der 1877-78. So kom Hans Flaten, som hadde skule der i 13 år 1878-91. Sidan heldt skulen til i kårstugun på Reiargarde 1891-1902 og so i Gunnvaldgarde frå 1902 til det nye skulehuset vart bygt i 1904. Vesle-Ola Sveinson Storejorde, Lykkjeguten dei kalla, bygde på Skiftesbakka. Han fekk dette jordstykket av foreldra sine i staden for sin ervelut. Vart g 1836 m Turid Larsdtr Grøto f 1804. Dei kom seinare til Veslejorde og so til Valdres. Born: Gunvor 1839 vart buande i øystre Slidre, Kari 1841 g m Knut Jordheim, budde i Valdres. Gunnvald Veslejorde kom so til Skiftesbakka, men fløtte derifrå til Jonsrud, heimstølen til Gunnvaldgarde. Gunnvald dreiv noko som smed og skodde hestar. God arbeidskar. Då Gunnvald reiste frå Skiftesbakka, kum Arne Tomasson Skaga frå Gol dit. Han vart g 1849 m enkje Ragnhild Olsdtr Grøvargarde f på Kyrkjebøn ca 1800-7272. Dei fekk borna: Knut rA g m enkje Liv T. Haga, Kari g m Ivar Veslejorde d 1905, Gunhild d i vaksen alder. Kari vart g 1872 m Ivar Olson Haugji 1828-1906-78. Dei kjøpte Veslejorde og budde der. Arne Tomasson følgde med til Veslejorde. Ivar kjøpte og Skiftesbakkjin, som sidan har høyrte Veslejorde til.

Veslejorde

Gnr 53, bnr 8, Inr 567 b. På Veslejorde.

Dei fyrste som ein kjenner til budde der, var Embrik Gunnvaldson Gunnvaldgarde 1765-1835-70 g 1798 m Guri Ingvarsdtr Jodøkk 1767-1860-93. Guri var ei gjøieleg snerpe til kjæring, forte l st det. Ho var jordmor i grenden, og den som dei søkte råd hjå når noko sto på. Embrik tente i 1783 hjå Tor Jonsen Lykken står det i eit dokument. Borna til Embrik og Guri: Sunnev 1799-1836-37 g 1824 m Ola Ivarson Haugji, Kari 1801 d, Gunnvald 1803-77-74 bonde på Veslejorde, Skiftesbakka og Bergo, Ingvar 1806-63-57 bonde på Bakko. Gunnvald fekk Veslejorde, men bytte bruk med Ola Sveinson Storejorde, som då budde på Skiftesbakka. Ola selde att Veslejorde 1857 til Torleiv Eikre og reiste til øystre Slidre. Torleiv fløtte til Veslejorde frå Eikrestølen om haustane og sat der utover. Der på Veslejorde døydde Birgit Nilsdtr, kona til Torleiv, hausten 1866. Torleiv selde att Veslejorde kring 1873 til Ivar Olson Haugji 1828-1906-78 g 1872 m Kari Arnesdtr Skiftesbakka d 1905 omlag 60 år gamal. Dei hadde: Ola 1874-1928 bonde på Veslejorde, Sunnev 1880 g m Halvor Andresson Smøtte i Gol. - Ivar kunne ofte vera lettsleg og spøkefull. I kveldeseto sat han gjerne burti gardo og prata til langt på natt. Ein kveld han sat i Gunnvaldgarde, sag han på klokka og sa: da, no æ klukka 12, no får e te å gå ovel så det.» Og stundom kunna han seie ord som det var djupare tankar i. Nokre sat og fortalde eingong om ein som var keivhendt og vilde våttare burt det denne mannen dugde til. Då sa han Ivar: «Keiva æ best, ho sit nemmast hjarta, ho.» Mang ein kveld sat han hjå Nils Storejorde, som dei siste 20 åra budde aleine i kårstugun sine. Den siste kvelden Nils levde, sat han der og. Nils var litegrand harken, ikkje noko sjuk å kalle, men om morgonen døydde han. Ivar døydde av streng lungebetennels. «Jeg snakket ofte med Ivar i de 13 år jeg holdt skole i hans ødestue på Skiftesbakka. Siste øykten hver vår jeg hadde skole, satt Dan hos meg. Sukket iblant. Best har jeg kommet det ihu

etter at han ble borte. Det er som jeg hører sukket hans ennå. Han kunne si når jeg reiste: «A ja, ko tru me veta når du kjem att te hauste!» Det var rett vemod i skilnaden hver vår, men med den understrøm av håp å møtes att i høstens dager. Jeg minnes Ivar, jeg minnes Skiftesbakkjin. Jeg snur på Welhavens ord: «Nu er jeg langt fra stuen, brutt er dens Vegg og karm. Og akk, så langt fra gruen, der var så lys og varm.» Siste gang jeg så Ivar, var søndag 16. juli 1905, da han satt hos meg på Eikrestølen og fortalte meg meget fra gamle dager. Men dessverre, jeg får ikke rum til å gjenfortelle det her» (HF). - Me skal likevel ta med noko av det, etter Hans Flatens uppteikningar: «Ein mann låg på ein støl om hauste. Då han hadde lagt se om kvelden, fekk 'n sjå ei haugagjente. Ho va so fin, tømte 'n. Han kasta ein kniv over 'o. So fekk han henne. Men han vart so lei ved 'o. Han va sme. Eigøng han sto i smiun o smidde på ein hesteko, kom ho inn te o. Ho reiv den gloraue hestekon or avle, retta 'n ut o sa: «Du får ta de i vare, du ska få sjå ko e kan.» Han vart sea bære ved o. Dei fongo så mykje lausøyre o mykky krytyr. Det kom te dei den eine brøndute kyre ette dei are. (Denne søgne er kjend mange stader i landet. OR). - I likferdn ette ho gamle Tore-Ola i Lykkjun, som dø nån va 98 år gamal (1859), voro dei alt drukne, då 'rei reiste heim-te om mörgon. Me stondo ned på Lykkjehaugji ø høyrde på dei då dei skrala heim-te. E hugsa han Ingvar Toregarde gaula so høgt: «E har ein føle i trea åre, det æ gut som bær øyrutn sine det.» Dei køyrde liket på bære te Markegølo. Der fongo dei se kjerru. (Det var ikkje kjerreveg åt Lykkjun den tid.) Men so vilde ingjin køyre liket. Dei stondo bitost, huserte obanna oppyvi likji. Men det va no ein tå 'rei som tok det te slutte, lell då. Søover att ifrå kyrkjun gongo dei vavra så fulle at dei sette burt (mista) hestatn. Noko tå følko kornmo kji att før om mörgan.» - Denne sannferdelege skildringa av eit augnevitne gjev eit godt døme på korleis brennevinsdrikinga skjemde ut folkelivet (OR). Sonen Ola fekk Veslejorde, g 1898 m Ragnhild Olsdtr Semi e frå nørdrø Aurdal 1873-1963. Foreldra hennar var frå Eikre 51-1. Ola bygde ny uthusbygning og arbeidde mykje med jorda. Borna til Ola og Ragnhild: Ivar 1899-1917-18, han tente uttafør ein vinter, straks han kom heim ved sommarmal vart han sjuk og døydde, Ola 1901-04-3, Olav 1904, Torstein 190533, var skreddar ei tid i Hemsedal, Ola 1905 tviling, sjukleg, Karoline 1914 heime. Olav fekk garden 1938. Han bygde ei hytte til utleige på stølen og nytt fjøs. Selde ei hyttetomt på garden og ei i Bergostølslåttun. Har dyrka upp ein del på stølen og dyrka upp og jamna ut ein storpart av heimevinna.

Storejorde

Gnr 53, bnr 7, inr 567 a.

på Storejorde. Skriveform: Storejorde.

Ola Olson Skar på Hallbjørshus g 1765 m enkje Birgit Halvorsdtr hadde sonen Svein f 1766, d eingong i åra 1821-35, g 1796 m Gunvor Olsdtr Eikre 1776-1856 Dei budde fyrst på Hallbjørshus og kom så til Storejorde. Born: Birgit 1797 d ung (1801), Kari 1799 g 1815 m Tomas Ellingson Hallbjørshus, Ola 1803 bonde på Storejorde og fleire stader, rtA 1861, Ola 1806 bonde på Skiftesbakka og Veslejorde, reiste så til Valdres, drukna i Lærdal 1846, Birgit 1808 d, Birgit 1810-1904-94 g 1831 m Tore Grøto, død på Hjalle i Gol, Jon 1814 d, Jon 1815 bonde på Embriksgarde og i Rundtupp. - Gunnvor vart g 2) 1836 m Torleiv Grøvog 3) 1846 m Ola Toregarde. Ho er omtala som ei «gjøle bra kjæring» til å styre og stelle på kvinnfolksida. Svein derimot skulde ha vore noko stuvon av seg. Best han sto og svalla ved grannen, kunna han si som so: «Ho vil yste, ho Gunnvør, imørgo!» Ola d.e. fekk Storejorde, g 1827 m Sunnev Gunnvaldgarde. Dei fekk borna: Gunvor 1828 rtA 1861 (born utanom ekteskap: *Eli* Halvorsdtr 1854, *Ola* Halvorson 1858), Ingebjørg 1831 g 1855 m Torstein Leirehaugji, rtA 1861, Kari 1834, Birgit 1837, fekk Ålstveit, g m Andres Grøv, rtA 1883, Svein 1840 rtA, der g m Sigrid Jordheim f 1834, Kari 1843 rtA og vart der g m Knut O. Jordheim, Birgit 1845, Ola 1848, Gunnvald 1851, Embrik 1854. - Ola bytte gardar med Per Gunnvaldgarde og var i Gunnvaldgarde ei tid. Hadde då Veslestølen med. Omtentk og flittig arbeidskar. Var sprek og svær til å danse. Det er fortalt at eingong han skyssa presten Gottwald til Gol (pliktskyss for Hemsedal), rei presten so fort det let seg gjera, men Ola sprang og heldt følgje. Han bytte so gardar med Jon Torset og kom til Ålstveit. I 1861 reiste han til Amerika med heile huslyden, så nær som Birgit d.e. som då var gift og hadde garden. Ola døydde derover sama sommaren. Det sagdest at han «gikk att ette se på støle i Nørelin». Elling Myte hadde sett han gå der i raud vest, vart det sagt. Per Gunnvaldgarde og Margit Eivindsdtr kom til Storejorde, men då dei var barnlause, fekk bror til Per, Ola Gunnva. Idson kjøpt Storejorde og Per fekk livauare. Per var blind mange år sistpå han levde, og vart kalla Blinde-Per. Verda hadde gått han imot og gjort han sur til sinns. Han var så vond i seg at han kunne sta upp midt på natta og slå i veggene, so dei andre i huset ikkje skulde få sova. Han døydde 16. januar 1877, men liket vart ståande heime på garden ein månad, for det var ikkje framkomeleg med hest til bygda. Til slutt laut dei dra likkista til bygdars på ein kjelke. Ola Gunnvaldgarde vart g 1835 m enkje Barbo Sveinsdtr (som hadde vore gift med Knut Reiarde 1821-34). Dei overtok styringa på Storejorde frå 1835. Ola reiste til Lærdalsøyri etter lass det fyrste året det var kjerreveg over Hemsedalsfjellet. Den eldste køyrevegen i Lærdal var i bruk då. Den låg på

solsida forbi St. Olavsklemma i Galdane aust for Seltunåsen. Det var ei liten bru der i Galdane, Skvettfoss-brua dei kalla. Like ved var det ein bakke i vegen. Der kom Ola køyrande i ei karmkjerre, som dei støtt brukte den tid ogso på langferder. Hesten sprang ned bakken, kjerrehjulet tok burti ein stein, og Ola vart slengt ut or kjerra og ned i bekken, og straumen reiv han med seg ned i storelva, der han drukna 21. juni 1846. (Det var denne Ola som var med i bataljen på Storevatnet två år fyreat.)

Borna til Ola og Barbo: Ingebjørg 1835-64-29 g m Hans Embrikgarde, Ragnhild 1837 d, Ragnhild 1838-1924-86 g m Ola Storejorde, Anne 1841-1923-82 g m Ingvar Reiargarde, Guri 1843-1906-63 g m Torleiv Gunnvaldgarde. Barbo vart g 3) 1850 m Nils Olson Jordheim d.e. 1822-1901-79. Barnlause. Nils var ein av dei flinkaste fiskarane i Lykkjun, dei kalla han ofte Fiske-Nils. Den tid han dreiv som bonde, hadde han ein gul hest som hadde litegrand meir enn almindeleg hestevet. Han var stor, omkring 13 kvart. Nils kom eingong køyrande frå Gol over Stolastølane. Han var drukken, sovna og datt av sleden. Hesten drog til Storejorde, sto uti garde og kneggja. Då folk kom ut, snudde hesten seg den vegen han var komen. Folk følgde med, og hesten reiste dit han Nils låg. Ragnhild, dotter til Ola og Barbo, vart i 1859 g m Ola Ivarson Turrhaug i Reiargarde 1835-1907-72, som bytte til seg Storejorde. Ola vølte om husa, arbeidde mykje på jorda, grov veiter og køyrde stein. Han var heljug og hardbalen, ein av Hemsedals sværaste sleparar. Var kjømeister i alle veslu i Lykkjun. Han var ganske god til å skrive, endå han ikkje hadde hatt skule ein einaste dag. Far hans hadde lært han å lesa og skrive. Ved konfirmasjonen var han ein av dei flinkaste. Han kunna utanåt mykje av «Prestepina» og les opp derifrå for presten Kjelstrup. - I 1893 kjøpte han Haugen, og då sonen overtok garden 1898, busette han seg der. Han døydde av kreft i andletet. Borna til Ola og Ragnhild: Guri 1859-1942 g 1878 m Endre Grøv, dei rTA 1880 og fekk seg farm nær Kinred i Red River-dalen, Guri var mykje med i kyrkje}dsarbeidet, Harbo 1862-63-1, Ivar 1864 rTA og vart der gift med dotter til Per Gunnvaldgarde, som berre var 14 år gamål, Harbo 1866 rTA og og vart der g m Ola I. Grøv d.y., Ola 1868-1951 rTA, men kom heim att og fekk garden, Svein 1871-97-26 sjukleg dei siste åra, Ingebjørg 1873 d, Ingebjørg 1874-1959 budde i mange år hjå Gunhild, syster si, Gunhild 1877-1966 g 1905 m lærar Karl Fjæren. - Guri og Endre hadde før dei reiste til Amerika: *Ingerid* 1879 d, *Ingerid* 1880. I Amerika fekk dei ein stor barneflokk. Dei var heim atl ein tur sommaren 1920. Då dei reiste attende, vart dei ute for ei jarnvegsulykke i Amerika. Två tog støyte saman, 5 vart drepne og 20 sara, men Guri og Endre kom uskadd frå det. - Barbo var og heim att ein tur etter at ho vart enkje. .Ola fekk garden, g 1898 m Margit Olsdtr Grøto 1875-1956. Born: Ragnhild 1901 g 1931 m postopnar Ingvar i. Grøthe, Olaf 1903 fekk garden, Ola 1904 g 1940 m Ingrid O. Nygard 1909-72, har drive med hagebruk og hønseri i Asker, har hytte i Lykkja, Anne 1906 g 1941 m Leif Aasheim i Bergen, og ho bur framleis der ogso etter at han døydde i 1964, Guri 1908 g 1934 m Tollef K. Berget frå Gol, dei har eigen bustad ved Engjo (sjå der), Svein 1914 byggmeister, g 1946 m Margit i. Intelhus, Grøtehaga (sjå der), Ingerid 1916 g 1955 m malarmeister Jon Fylken frå Vestre Slidre f 1907. Dei busette seg i Gol. Han døydde brått i 1968. Sjugurd 1919-66 sjukleg. Olaf hadde garden frå 1931, g 1930 m Oline P. Reiargard f 1901. Bygde nytt bustadhus og har dyrka upp mange mål heime og på stølen. Selde fire hyttetomter. Born: Ole 1931 har garden, Margit 1933 g 1955 m Leif Oddvar Juvet, han arbeider ved samvirkelaget, avdelinga på Tuv, og ho er styrar for Tuv telefonsentral, Olaug 1940 g 1961 m lastebilkøyrar Odd Hilmen, Fagernes (born: *Bente* 1961, *Vidar* 1964). Ole overtok garden 1962. Har bygt 6 hytter til utleige, selt mange hyttetomter og dyrka upp mange mål jord. Bygde stort bustadhus, stabbur og ny låve og eit stort grisehus, eit av dei største i fylket. Har ca 100 vinterfora sauer og sel upp ikring 1000 griser for året. G 1967 m Wenche Halvorsen frå Oslo f 1943. Born: Nina Kristin 1967, Inger Marit 1971.

Haugen

Gnr 59, bnr 27. Pa Haugji. Skriv seg Fjæren.

Helge Reiarson d 1803 oppgjeven alder 78, g m Guro Knutsdtr d 1809 oppgjeven alder 82, budde der. Barnlause. Helge var truleg son til Reiar Helgeson og hans fyrste kone Margit Torsteinsdtl'. Ved skifte etter Helge 1804 er det nemnt at han hadde tre systrar, som fekk arv etter han: Kari Reiardtr g, m Jon Jørgensen, Vik i Sogn, Sigrid 60 år og Margit 50 år, del og budde i Vik. Seinare kom som bygdselmann IvarKnutson, gofa til Ivar Veslejorde. Han var frå Dalo i Eikre, og Haugen vart av den grunn kalla Dalehaugen i hans tid. Han var f i 1767 av foreldre Knut Olson og Kari Torleivsdtr d 1848, 81 år gamal. Knut vart g 1793 m Margit Olsdtr ca 1764-1831 sem var ifrå Intelhus, Grøveller Torset. Knut var skulemeister i lang tid. Blir titulert slik i 1793 og i 1801. Ivar Veslejorde kunne fortelja at han heldt skule heimi bygden. Var dessutan sagmeister, sto på Torsetsagen alle vårar. Han les og skreiv alle brev for lykkjarane, og var kjømeister i alle gjestebod der. Budde på Intelhus 1793, Ullsåk 1801 og på Haugji 1809. Det el herma ei stevjing mellom Knut og Gunvor Storejorde. Gunvor: «Lite o godt vil Dalen ha støtt!» Knut svara: «Mykje o klent, minder æ kji ho Gunnvør tent!» (Denne herma har levtt i bygden i lang tid, hørde henne ogso i min barndom. OR.) Borna til Knut og Margit: Ola 1793-1884-

91 bonde på Haugji, Knut 1795, Kari 1798 budde på Engjo, Harbo 1802-03-1, Kari 1809-10-1. - Ivar Knutson har fortalt at ein mann frå Løkji, som ønna Rustbergghrdlie, hadde mykje for liggjande utover eingong. 50 ein dag det vart høyver, fekk han med seg mange folk til å høye. Sjøl sat han på ein hest og rei frå den eine til den andre og spanderte spikekjøt og brenn~vin for at dei skulde vera flinke. Ola, son til Ivar, heldt på å byggje i slåtta norda Lykkja, men ga det opp og bygsla i staden sin fars bygselsjord Haugen. Han var g 1) 1824 m Sunnev Embriksdtr Veslejorde 1799-1836-37. Born: Kari 1825-40-15, Margit 1826-1902-76 ugift, døydde i Rundtupp (dei kalla henne «Eldhusa»), så ho må venteleg ha butt i eit eldhus før ho kom på fattigkassa, Ivar 1828-1906-78 bonde på Veslejorde, Embrik 1830 .47-17, Guri 1833 g m Knut Trøym, Nygjerdun i Gol, dei rtA (hadde før borna: *Embrik* Olson 1860 rtA, *Sunnev* Olsdtr). - Ivar vart g 2) 1843 m Birgit Torleivsdtr Hjelme 1808-92-84. Dei hadde: Sunnev 1843-44-1, Torleiv 1844-67-23 drukna i Tessleim, Sunnev 1848-1920-72 døydde i Skøltebakka, Embrik 1853 d. - Margit «Eldhusa» tente lenge hjå andre, men med dei små løner som då var, hadde ho ikkje lagt seg upp so mykje at ho var sjølhjelpt på sine gamle dagar. «Hun kunne være smetten og vrien i ord, som prinsessen i eventyret. Et av mine barn spurte henne hvorfor hun ikke var gift. «Jau, det ska e nøk sea de,}) svara ho, «dei som vilde ha me, vilde kji e ha,o dei som e vilde ha, dei fekk e kji, osoleine vart e førutta.}) (HF). - Torleiv drukna i Tessleim 11. november 1867. Han drog sørover med ein kjelke, men isen var for veik. Dei fann han att sama dagen. - Sunnev vart verande hjå sine gamle foreldre og hjelpte dei - utan løn - i deira alderdom. Ho drog ved frå skogen og for i slåtten, hogg ved, var budeie og innegjente, spann og vov klede åt dei, stelte om dei under sjukdom, vakte ved dødslægjet og sytte for gravferda. Bruket fall tilbakers til jorddrotten på Løkji 59-1. So var ho heimlaus, åtte ingen ting, laut ut for å tene sitt brød 44 år gamal. Tente i truskap til ho ikkje orka meir. Margit Skøltebakka gav henne husly dei siste åra, då ho var komen på fattigkassa. Haugen vart so kjøpt til odel og eige av Ola Ivarson og Ragnhild Olsdtr Storejorde, som fløtte dit då sonen Ola overtok garden. Gunhild, dottera deira, vart g 1905 m Karl Fjæren, som var lærar i Ålrust og Lykkja skulekrinsar frå 1902. Han var frå Sogndalsfjæren i Sogn f 7. juli 1874 av foreldre Andrias Nilsson og Mari Kristensdtr. Dei overtok no Haugen og vart buande der. Bestefar til Fjæren, Gjerde-Nils dei kalla, var tambur, felespelar og spelemann i gjestebod, lentug og ordhitten. Det er mange risper om han. Presten i bygda var innom ein dag og spurde då kvar det var blitt av han gamle Haldor (som hadde halde til hjå Nils, men var død ei tid i fyrevegen). «Han er reist te molde med bord,}) svara Nils (til molda med bord, dvs. kisteborda). Det gikk ei stund før presten skjønnte meininga. - Då mor til Fjæren skulde konfirmerast, var det ei rikmannsdotter som ogso skulde stå til konfirmasjon. Klokkaren kom til Kristen og sa: «Har du noko imot at dotter di står som nr. 2 i morgon?» Kristen svara skarpt: «Har ho fortent å stå som nr. 2, får ho gjera det, og har ho fortent å stå som nr. 1, så får ho stå som nr 1» Og Mari fekk stå fremst. - Fjæren kosta mykje på husbygging: Nye uthus, stabbur, bu og fjøs på stølen og ny hytte til utleige. Likeeins fekk han dyrka upp mykje jord. Han var lærar i Ålrust og Lykkja i 40 år 1902-42. Trast før påske 1948 vart han brått sjuk og vart sendt med fly til Drammen sjukehus. Her døydde han palmesundag, nett som kyrkjeklokkene ringde til høgmesse. Han gikk som diktet seier - «sin kirkegang til Gud». - Han var ein snill lærar og eit godt menneske. - Kona døydde på bygdaheimen 1966. Born: Ragna 1906 steller heime, Ola 1907 d, Ola 1908 d, Mari 1909 d, Ola 1910 har garden, Arne 1912 damvaktar g 1946 m Ragna G. Bergo f 1923, dei bur i Rustberggardlin (sjå Liotun 59-17 og Solli 51-14), Malfrid 1915 har mjølkeutsal i Oslo, Kari 1917 heime. Dei nyttar ættenamnet Fjæren. Ola tok over garden 1935. Han har dyrka upp mykje på garden. Selde øvre Rustberggardlie med noko skog til Arne bror sin 1949. Den 13. april 1966 bar det til ei svær brannulykke på garden: uthusa brann ned og 18 sauer miste livet. Husa var branntrygda for kr. 62500. Han fekk bygt upp att ny uthusbygning sama året. Han driv no berre med sau.

Veslestølen

Gnr 53, bnr 19, lnr 570 a. På Veslestøle.

Dei fyrste som budde her, etter det gamle folk fortalde, var Jon Torson f i Skøtedøkken av foreldre Tor Janson og Guri Andresdtr. Jon var til dåpen 10. mars 1771. Han vart g m Kari Knutsdtr (Ålstveit 1766-1829-63, tradisjonen vil ha det til at ho var ifrå GrønLio). Foreldra til Jon har ogso butt i Lykkjun, ein veit ikkje kvar..Gunnvald Grøvargarde fortalde at Jon var reint ein åbendingskar i sine unge år både i storleik og styrke. Og ein spelfugl. Då han skulde skrivast til soldat, spurde deiom han hadde nokon feil. «Nei, e ha kji feil korkji i le eller lemm, vilja de sjå e gjere ein dans?» Ikkje før møtet er slutt sa dei. Då dansa han for dei. Det gikk det ordet at han var den rette far til Truisegutten i Ål, kor sant no dette var, veit ingen. Det var Truls Ve frå Flå som vart skriven som far. Truisegutten hadde hørt dette, og eingong han kom frå Valdres og overnatta hjå Nils Storejorde, spurde han Ingvar Bakka kor Jon budde og reiste dit. - Jon og Kari budde nokre år i Døkken (sjå der) og kom så åt Veslestøle. Jon (eller sonen Tor) selde Veslestølen til Ola S. Storejorde og fekk livauve hjå han.Ola Storejorde bytte Veslestølen med Ålstveit kring 1814 (eigar då: Jon Torset) og vart buande der til han

døydde 71 år gamal i 1842. Enkja Ingerid Ålstveit kom då på Veslestølen med borna sine: Knut 1805 d ung, Kari 1808-92-84, Nils d ung, Torleiv 1814 bonde på Kyrkjebøn, d i Lier, Halvor 1817-85-68 bonde på Ålstveit og i Jøtun, Ingebjørg 1820-91-71, Barbo 1823-1914-91, Nils 1826-1911-85, Torleiv 1829-1907-78. - Berre Torleiv d.e. vart gift. Halvor vart verande på Ålstveit til sin død. Kari tente burte ei tid. Dei siste åra ho levde, gikk ho i legd, mest i Løkjis- og Ullsåkgrenden. Ho va ill og «vansea» (vanseda: udana, vanskeleg ha med å gjera). Maten var sjeldan bra nok, heller ikkje senga og heller ikkje folka ho budde hjå. Ho sat ønska og sa fyry korleis dei skulde oppvarte henne. Og dei fleste gikk på tærne for henne. Dei vilde heller stelle vel med henne enn å få kjeftabruk av henne i andre gardar. Dei ga henne brennevin tessmeir dei som vilde at ho skulde rose dei andre stader. Var det gjenter som ga henne brennevin, fekk ho det til i andre gardar at dei gjerne vilde gifte seg. Unge gutar kalla ho «kastekælva». Var det nokon som hadde eit klengjenamn, rek ho det i dei når ho kom i prat med dei. «Jegg på at hun fikk nonskaffe hos Guro Ullsåk engang. Karmennene fikk sin kaffe ved bordet. Guro tok sin kopp, og. Kari sin kopp bort til ovnen og sa: «Me få sita her.» «ja.» svara Kari spottande, «me få sita her me som æra tå dei førnedra.» (HF. Sjå elles «Hemsedal» s. 121/122.) - Nils og Torleiv d.y. og Ingebjørg og Barbobudde i lag i lang tid på Veslestøle ogsamdest godt. Dei hadde ikkje stor omgang med andre folk, og vart difor rekna for å vera folkeskye. Når dei på tåungen (når det var tåe (berr mark) gikk åt kyrkja, gikk dei ikkje rette vegen om Eikrestølane, men nord om Bergostølen og vidare nordigjennom Bergostøllie. Denne stigen vart difor kalla Vesle støl-vegen. Då dei tok til åbli gamle, laut fattigkassa fyrst ta seg av Ingebjørg. Ho vart «burtkjøpt», som det heitte. Men sist på fekk ho koma attende til Veslestøle og døydde der av kreft. Nils, Torleiv og Barbo selde Veslestølen til Kristen Larsson Vente frå Grøndale, g 1894 m Ragnhild Ivarsdtr Ransedøkken frå Gol. For fattigkassa si rekning vart det bygt ei stugu på Veslestøle til dei tre gamle. Der fekk dei vera så lenge dei greidde stelle seg sjølve. Torleiv døydde der. Nils og Barbo vart burtkjøpte i søre Langehaug, der dei fekk vera resten av livet sitt. Kristen dyrka upp mykje jord og bygde nye hus. Han skaut mangein rev om vint-rane. Borna til Kristen og Ragnhild: Anne 1896, Lars 1898, Jørgine 1900, Ragnhild 1901, Ivar 1903, Barbo 1907, Oskar 1913. - Lars skaut ein jerv 1922 og fekk tilsaman i skotpremie kr. 900 av Hemsedal og dei andre kommunene i viltringen. Kristen kjøpte Hjelmen i Grøndale 1915 og fløtte dit med huslyden sin., veslestølen vart då kjøpt av Ola Torleiv, son Gunnvaldgarde d.y., som nyleg var helmkomne frå Amerika. Vart g 1915 m margit Hansdtr Embrikgarde. Med god Jelp av sønene sine vølte han om eller bygde nytt både heime og på stølen, og dyrka upp mykje jord. Born: Torleiv 1916 g 1946 m Barbo K. Ullsaker f 1910 er byggmelster og har bygt seg eigen heim, *Elvely*, ved Ullsåk (sjå der), Haldor 1918 har garden, Engebret 1919 er heime, gardsDg handverksarbeid, Gladys 1922 g 1957 m gardsarbeidar Oddvar Gabrielsen, Hønefoss, Ingrid 1932 g 1954 m Olav Hagen, som døydde i 1961, ho arbeider ved Hemsedal samvirkelag, men bur heime hjå mor si (barn: *Magnhild* 1954). - Torleiv og Haldor var med i krigen 1940 (i fremste lina i kampane i Haugsbygd, Ringerike). Haldor har garden frå 1960. Har bygt nytt bustadhus, og han og Engebret har dyrka upp mykje jord både heime og på stølen. Haldor er postberar til Lykkja frå 1949 etter Svein Gunnvaldgarde, farbror sin. Nyttar no bil i posttenesta. Nytt uthusbygg 1976.

Grøvargarden

Gnr 53, bnr 17, lnr 569 a.

I Grøvargarde.

Skriveformer: Grøvergård, Grøvegård. I grenden seier dei Uppi garde.

Før utskiftningen i nordre Lykkjun 1912 og deromkring hadde alle gardane åker oppunder berget der. Etter gamal tradisjon var Grøvargarden fyrste bustaden i nordre Lykkjun, og delelinene mellom denne garden og dei andre fyre utskiftningen tyder på at det var så.

I 1800 var det skifte etter ein Tore Olson Lykkjun, enkja heitte Sigrid Olsdtr. Dei hadde två born: Ola og Ola, baa myndige. Sigrid hadde før ekteskapet dottera *Margit* Olsdtr (som vart g m ein Helge Ulldrickson, visstnok i Valdres). Kan hende Tore og Sigrid var foreldra til Tore-Ola. Valdresen Tore-Ola g m Ragnhild Embriksdtr Gunnvaldgarde budde der kring 1814. Ola vart utkommandert i krigen. Ola Bubakka og Rangdi Høgehaugji, gifte 1809, tente der då og styrde med Ola var i krigen. Og dei styrde godt, er det sagt.

Tore-Ola bytte, som før nemnt, gardar med Ola Ingvarson Grøv 1784-1844-60 g 1) m Margit Olsdtr (Skar) f 1782, d eingong i åra 1819-26. Ola vart kalla *Grøven*, og etter han skal garden ha fått namnet Grøvargarden. Borna til Ola og Margit: Olaug 1809, Birgit 1812-85-73 g m Knut P. Fekjo, Ingvar 1814-20-6, Ola 1816-40-24 drukna på ei ferd over Storevatnet, Sigrid 1819-98-79 budde i Dalo og på Malarbrøta. - Ola vart g 2) 1827 m Ragnhild Olsdtr Kyrkjebøn 1800-72-72. Dei hadde: Margit 1829 g 1848 m Nils Huso, dei rtA, Anne 1832 g 1862 m Per T. Jordheim. I likferda etter Grøven juli 1844 rodde Ola Storejorde d.y. og Ingvar Grøv likkista i båt heimover Storevatnet. Dei andre reiste kyrkjevegen om Eikrestølane med hestane (det var ikkje kjerreveg til Lykkja endå). Ola rodde, og Ingvar sat og auste. Karane var drukne. Uforvarandes kom han Ingvar til å losne botntappen, so båten

rann full og velta. Dette hende beint ned for Eikrestølane. Ola kom seg opp på båtkjølen og Ivar opp på båra med kista. Mekkel Huso, som var på stølen og slo nett ved det belet, sette sørover frå Bergostøle og nedåt vatnet med ei ræle i handa, men han nådde ikkje ut til dei. Nokre av likferdsfølget kom nedover frå Eikrestølane, fekk tak i ein annan båt og Bergo dei två til lands. Likferdslyden drog vidare heimover, men Ola og Ingvar laut ta seg sørover att til Lykkja, fulle og søkkvåte som dei var.

Merkeleg nok drukna Ola Storejorde i Lærdal två år etterpå. - Og Ola, son til Ola og Margit Grøvargarde, hadde drukna i Storevatnet hausten 1840. Det hende straks norda Svarteberg mellom landet og ei liten øy der. Han skulde ha gifta seg med ei frå Gol og drog heimover tidleg ein morgon med ein vev på ryggen, han skulde få sydd seg brudgomsklæde. Det var veik is på vatnet, og i dette vesle sundet brotna isen under han. Det synte seg at han hadde streva svært for å berge seg til lands, men det hadde altso mislukkast. Folkesnakket vilde ha det til at skjørene var so djerve ved han den hausten og det spådde ikkje godt. Når han køyrde gjødsel, sette dei seg på lasset hans, og køyrde han vatn, sette dei seg på vasstunna, vart det sagt. (Etter Ola Fløgo.) Då Grøven var død, vart enkja gift att med Arne Skiftesbakka, og garden vart selt på auksjon til Pål Venåsbakko. (Sjå Skøyten.) Han bytte so gardar med Skøy te Sjøgurd, som heller ikkje vart lenge i Grøvargarde, men kjøpte Palhuso fyrst og fløtte so derifrå til søre Fløgo. Sjøgurd selde eller bytte Grøvargarden til Knut Sveinson nedre Ålrust. Han var g m Birgit Mørk. (Sjå Palhuso.) Heile huslyden rtA i 1861 so nær som dottera Ragnhild 1837-1927, som i 1860 vart g m Gunnvald Torleivson Embrikgarde 1830-1917-87. Dei budde i Grøvargarde. «Gunnvald var en original. Men det ser ut til at verden blir fattigere på originaler etter hvert som tiden shider framover. Gunnvald gav meg god greie på sin ætt fra Sunnev Gunnvaldgard og utover. Jeg minnes ham med takk» (HF).Gunnvald har ordet: «E slapp før preste hausten ette dei våre då han Nils Eikrehuso rømde heimatt frå eksise på moe o'n Røtneims-Knut drep se den hausten. Han eitt e Knut Andresen Skaga. Drep se på Nes 17. september 1851, berre 42 år gamal. Han sat i lesmannsarresten på Nes. Hadde fått tak i skeievatn «skiljevattn» til bruk ved lodding, Salpetersyre), som han drakk, o tå di dø han. Margrete, kjærtingji hass, køyrde 'n sjøl i ei karmkjerre frå Nes te Skaga. Då dei vorto gifte, sto laget på Jorde i Golsreppe, der ho va ifrå. Presten Kjelstrup, han som va so sterk, va med i lagji, endå han o han Knut va uveni. Det går kji två store i ein sekk. Då e var so omtrent 20 år, fødde e ho Jon Tørset te Nes ei gøng. Uttafør ei brennevinsbu sto ho Margrete samen med ein fløkk karmenna. «A ja, du æ her du med, Margrete,» sa han Jon. «Ja, e æ helst med der det æ karfølk e.» sa ho. Som enke fløtte ho te Valdres te døtte sine, som va gift te Landsrud i Vestre Sjøidre. Dette ekteparet fekk mange onga, e trur det va 11. Ei tå gjento vart gift te ein gard som har støl i Baklin. E va inne i dei støle eigøng e leitte ette heste. Ho hadde mange småguta. «Han eite vel Knut ein tå desse,» sa e. «Nei,» svara ho, «det æ so rart å kalle upp att slike som ha vøre so svære.» E sag han Røtneims-Knut på Lykkjedanse nøkle år før han dø. Han kom rian på ein uvand, grå hest, sat o svinga med ei låshelde i honden. Steig tå heste, dansa o drakk. Aret før hadde han rii ei gjente overende med heste sine. E sto o sag på at han Hans Rundtupp skjenkte h\ tå brennevinsfleskun sine. Knut tømde fleska, tok so han Hans og kasta 'n utfør ein bakkji so han gikk på huvu burti eit briskjekjørr. Då 'n Knut sette se på hesten att, lyfta han fyst den eine foten uppå hesteryggen o heiv so se sjøl ette med eit friskt kast. Knut va kji so sværande sterk, men sprek o behendig o dertil uvølen. Nå han vilde ska nokon som han ikkji ørka med på an måte, hengde han se ette armo kring ei slind o spende te dei. I eit lag i Gol vilde 'n egle se inn på Kjelstrup. Somme sea at han sette se jamsides prestefruun, are at han erta ein tå presteongo. Kjelstrup vart sinna, fata han Knut o sette han imot ei kammersdør so døre gikk sundt o'n Knut igjønøm. Tie va vill med drikk o dans, leven o slagsmal, o han Knut hadde kasta se inn i dette ville livet med beile sin hug. o sprek o djerv som han va, vart det han som førde an der det vart bråk o leven.» Svein, son til Gunnvald, tenkte på å bli lærar og tok til å fyrebu seg for å bli uppteken på seminaret. «Jeg leste med ham litt, men så sluttet jeg skolen, og så sluttet Svein også og drog i stedet til Amerika, hvor han ikke lenge etter døde. På dødsleiet sa han til Mekkel Haugji: «Det ha vøre bære før me om e hadde døytt ong.» Kvifor det? «Å, e ha kji hatt so mykje synd då.» (HF). Dei andre borna til Gunnvald og Ragnhild: Olaus 1860 rtA, Knut 1863 likeso, Birgit 1866 d, Ola 1869-1945 rtA, men kom att og fekk foreldregarden, Birgit 1872 rtA, Gunnvald 1874-99-25 hadde garden nokre år. Gunnvald, som fyrst fekk garden, vart g 1898 m Ingebjørg Olsdtr Bubakka 1876-1956 på Bergo. «Gunnvald var en av disse stille, snille, saktmodige som gjerne blir m. I når døden holder kåringsmøte. Han ble sterkt forkjølet, fikk slim på lungene (plevritt) og lå sterkt syk. Doktor Olsen kom fra Nes opp til ham. Det var i førefallet. Folk møtte heimover Storevatnet Dled staurer og stenger for å prøve om isen holdt. Olsen gav ham mikstur, men sa til Embrik Toregarde som var der, at det var ikkje botevon for ham. - Embrik spurte Gunnvald om han heller vilde leve. Å, e vilde gjedne leva te guten vørte lite større,» svarte han. Men døden enset ikke de ømme familjebånd, han klippet dem tvert av. Doktorturen kostet 60 kroner. Det var hva man den tid kunne få for en ku. I Grøvargard kunne de selge en ku eller to for året og sapsass mye smør som for et par kuverd. Doktorturen kostet dem altsa fjerdeparten av gårdens årsinntekt» (HF). Gunnvald og Ingebjørg hadde: Gunnvald 1899 som busette seg i Oslo og dreiv forrdning der. Han vart g m ei frå Sverige. Ola, bror til Gunnvald, kom heim att frå

Amerika, vart g 1902 m enkja etter Gunnvald og tok over garden. Bygde nye uthus. Fjøset mura han av naturstein, som han tok i berget ovafor garden. Dette storarbeidet gjorde han mest aleine. Bygde bu på stølen og nytt stabbur. Dyrka ogso upp mykje av jordvegen. Borna til Ola og Ingebjørg: Ragnhild 1903 har garden, Gunhild 1907 g 1) 1939 m Charles Vilhelm Amundsen d 1941 og 2) m broren Ove Amundsen d 1973, avdelingssjef ved jarnvegen, ho er syerske, har hytte på Grøvargarde, Ragnfrid 1908 g 1954 m Gustav T. Toregard. Ragnhild tok over garden 1956. Har selt tre hyttetomter heime, fire i slåtta Kruko og ei tomt på stølen. Dessutan selde ho den gamle heimstølen Feten til hyttetomt. Vart 1962 g m enkjemann alf Magne Westlie frå Kløfta f 1906. Han er bygningsarbeidar. Dei har bygt nytt bustadhus og nye uthus og dessutan dyrka upp mykje jord.

Nørdre Haga

*Gnr 53, bnr 12, Inr 568 a.
, Haga (etter at søre Haga
vart lagt attåt nordre)*

Der budde Torleiv Embrikson Gunnvaldgarde 1774-1851-77 g 1) 1800 m Olaug Persdtr Grøv 1778-1820-42: Sunnev 1800 d, Sunnev 1801-87-86 g m Ola Olson Imre, Embrik 1803-85-82 bonde på Jordheim og i Gunnvaldgarde, Per 1805-26-21, Ingebjørg 1807 g 1832 m Hans Grohaugji, Torstein ca 1809-41-32 ugift, budde på Jordheim 64-3, Ola 1811, Ambjørgeren kalla, budde på Jordheim 64-3, Kari 1816 d, Kari 1818, Olaug 1820-21-1, mora døydde ved nedkomsten. - Torleiv g 2) m Birgit Olsdtr Kyrkjebøn 1790-1873-83: Olaug 1825 g m Odd Einarson Jordheim, Per 1828-1907-79 bonde på Vesle-Jordheim og Berge i Valdres, Ragnhild 1832 g m Endre Einarson Jordheim, Odd 1833-34-1. - Haga hadde på denne tid støl i Baklin, men la ned denne stølen (Lykkjestølen). Torleiv fløtte til Jordheim.

Til Haga kom då Ola Toreson Eikre f 1798 g 1828 m Margit Olsdtr Toregarde f 1806. Blir omtala som ein gjøleleg kar. Med han var i Eikre, stakk han seg i kneet og fekk standfot. Omkring 1835 bytte han gardar med Ola Jordheim på Imre og fløtte dit, derifrå til Sommarhaugji på Nes og derifrå til Amerika. Born: Tore 1829, Kari 1831 (d 18321), Ola 1834, Embrik 1838. Ola Jonson Jordheim på Imre 1788-1861 -73 g 1824 m Sunnev Torsteinsdtr Jordheim f 1801, var så bonde i Haga, deretter i Gunnvaldgarde og so i Prestgardhuso. Born: Per 1825 rta, Kari 1827 gift og busett på Hamar, Olaug 1829 d, Jon 1830-97 -67 bonde i Prestgardhusa, Olaug 183238-6, Torleiv 1834 bonde på Haugji i Vestre Slidre, g 1865 m Barbo Øysteinsdtr Ullsåk, Ragnhild 1837-1913-76 ugift, var burte og tente (hadde sonen: *Ola* Andresson 1869, bonde i Skøltebakka), Olaug 1840-1914-74 budde på Myren ved Løkji, Barbo 18421926 g m Torleiv Hjelme (hadde før sonen: *Ola* Halvorson 1875-77-2), Birgit 1844 d. So kom Ola Ingvarson Grøndale åt Haga, f 1802 g 1832 m Anne Larsdtr Grøto f 1797. Han vart kalla «Høylanden» og «Pjølødem». Budde sea i Skøtedøkken, rta 1859. Born: Ingvar 1833, Kari 1835, Lars 1836, Ola 1844. Deretter budde Knut Torleivson Eikre i Haga, g 1845 m Sigrid Olsdtr Grøvargarde. Dei fløtte att til Dalo i Eikre, men årstalet er ukjent. So hadde Ola Sveinson Storejorde garden ei liten tid, men han budde ikkje der. Etter han att kom Nils Olson Eikre 1821-1901-80 g kring 1845 m Borghild Olsdtr Arnegard frå Ål, d 1896 75 år gamal. Nils og Borghild tente i lag i Bjøbergo og vart kjende då. Store, sterke folk bae två, ho heller sterkare enn han. Når dei i Bjøbergo heldt leven, som ungdomen ofte gjer, vippa ho med han som ho vilde. Då dei kom åt Haga, la dei seg i arbeidsstuen bae två. Ola var flink snikker og var mykje burte om vintrane, snikra skatoll og anna. Borghild var heime og arbeidde som ein kar: Køyrdte beit, hogg ved, treskte, flekte never av bjørkekubbane og skov dei, dertil krøterstellet og innestellet. Om sommaren ønna dei bra. Dei stunder Borghild ikkje hadde budeisnugg uppe på stølen, gikk ho ned i Hagjin og hjelpte til i ønn. økonomisk var dei overmåte forsiktige, hadde stor buskap, gilde vendingar, kjøpte lite til huset, drog pengar og vart rike folk. Nils sa eingong: «Når ingjin kjøpte meir enn denne kjæringji mi, svølte kremmaratn i hel, om dei vøre seige som ein hund.» Dei let etter seg 2000 kroner til kvar av ungane. Nils var aldri sjuk. Då han i 1890 likevel laut til sengs i influensa, sa han etterpå«Det va seige tølu å haldast med.» Presten A. E. Hansen (prest i Gol og Hemsedal 1876-82) meinte at det skulde svarast årleg offerskjeppa til presten av alle serskildt matrikulerte bruk, slik det hadde vore i gamal tid (offerskjeppoordninga vart avteken i 1897), og kravde bøndene i Hemsedal for dette, likeeins Knut Heie i Flå, som åtte Eikreskogane. Knut Heie, Nils Haga, Anne Båste, Rasmus Grohaugji, Ola Snerte, Eirik Fekjo og Knut Bjøbergo vilde ikkje betala ein skatt, som dei fØr ikkje hadde svara, og Hansen gjekk til søksmal mot dei. saka gikk like til Høgsterett. Retten dømde at offerskjeppa var ei personleg yting. Dei saksøkte laut betala kr. 60 i sakskostnader. Dette utlegget sette Nils i slik harnisk at han ikkje vilde gå åt kyrkjun meir. «E æ så sinna på presten, e tal a kji sjå'n. E æ syndig nøkk lell, om e kji går åt kyrkjun osit å sinna me upp på presten.» kunna han seie. Nils døydde hjå dotter si i Nørdre Aurdal og vart gravlagd der. - alle borna vart store og sterke: Ola (Store-Ola) 1846-1917-71 bonde fyrst r'. Grøto og so i Haga, Guri 1848-1900-52 g m Rasmus Grohaugji, Liv 1851 rta, Ola (Vesle-Ola, Store-Hagen eller Store-Lykkjarn)

1853-1926 var nokre år bonde i Haga, Knut 1855-1924 g 1882 m Kari Høllebakka d.y. 1858-1944, dei kjøpte og busette seg på ein av Kammerud-gardane (born: *Berit* g m Knut Kvale i Røn, tre born, *Kari* g m Eirik Øndredal (75-1) i Hemsedal, *Oline* g m Nils Rebne i Røn, två born, *Per* bonde på Kammerud, g m Margit Stokkehaugen, seks born, *Marit* g m Tore Stavenjord, Ulnes, fem born, *Guri* døyde i spanskesjuka), Kari 1958 g m Gunnar Øvre Sundheim (born: *Knut*, som overtok garden, *Turid*, *Gustav*, *Borghild* g m Syver nørde Ullsak i Hemsedal), Nils 1860-1928 bonde på Purkestad (76-1), Barbo 1862 g m Tore Semiebakka, bonde på midtre Sundheim (horn: *Bergit*, i mange år styrarinne ved Nord-Aurdal aldersheim, *Olav* bonde på farsgarden, *Borghild* g m Knut Sørbo, forretningsdrivande i Oslo), Oline 1865 g m Nils U. Rugnus, Ulnes (born: *Inga* g m i ahan Stavenjord, Ulnes, utvandra til Canada, *Bergit* g m politibetjent Skumsrud, Gjøvik, *Ulrik* bonde på Rugnus g m Kari B - alle desse opplysningane frå skulesjef Knut Holden, Fagernes). Vesle-Ola hadde garden nokre år frå ca 1890, Store-Ola var då bonde på Grøto (63-13). Store-Ola var ein iherdig arbeidskar. I annsamaste onna gikk han ikkje til sengs, men la seg fullt påkledd i høyløa i 5 timar. Og når fuglane tok til å kvitre tidleg før sola gikk upp, tok Ola til å slå. Han selde Grøto til Herbrand Snerte og kjøpte Haga av Vesle-Ola, bror sin. Vesle-Ola var den største og sterkaste av karane og vart kalla *Store-Hagen* eller *Store-Lykkjarn*. Han var den sterkaste hemsedøjen i si tid med krefter som mest ikkje er til å tru. Han kunna ta ein 100 kilos mjølsekk og lyfte han i veret med eine handa. «Æ pøsen heil då,» spurde han. Godkarane hadde sin eigen karslege måte å tala på. Det går mange fråsegner omkarsstykkja hans (som forresten ikkje er heilt like i alle detaljane). Her har me ikkje plass til å ta mange med, berre ei: Då trøymbrua vart bygt, låg det nokre svære jarnbjelkar der, og Store-Hagen skulde prøve styrken sin på ein slik. Arbeidsformannen sette eit merke på midten, StoreHagen lyfta bjelken upp, svinga rundt med han og la han fint ned att. Dei rekna ut at ei slik bjelke vog 700 kg. Han var eit hovud høgare enn dei fleste, men ikkje noko sers sterkbygd. Han var 203 cm høg, vog 112 kg (i sin beste alder) og var 142 cm kring bringa (oppllysning av Sven S. Halbjørhus). Sjå elles artikkel om Store-Hagen i «Hallingdølen» julenr. 1952 og 22-9-53 flg. og i «Dølaminne» 1970, side 79, der det er fortalt ymist om han. Store-Ola vart g 1885 m Birgit Sjugurdsdtr Purkestad og vart buande i Haga. Eprna deira: Birgit 1886-1962 g m Endre Jondal i Gol, Birgit 1890 gift til Lier, Liv 1892-1968 g 1923 m Knut Olson Sørbøl (born: *Kari* 1925, *Birgit* 1927, *012* 1928), Nils 1894 bonde i Haga, Sunnev 1900 g 1921 m Knut Tultebakke i Gol (borna deira: *Nils*, *Anne*, *Ola*, *Birgit*, *Knut*, *sander*, *Liv*, *Ingrid* og *Birger*), Ingrid 1904 g 1927 m bonde Oskar Dalgren, Mørk i Lier. Nils fekk garden. Vart g 1913 m Annette K. Vannevik 1882-1946. Nils bygde ny uthusbygning og stugu, dyrka upp ein god del på stølen og det meste av heimeeigedom. Selde fleire hyttetomter heime og på stølen. Born: Birgit 1914 g 1937 m brannformann Inge Ødegård, Oslo, Rangdi 1916 g 1943 m Ivar Blakkestad, Rusten i Gol (born: *Oddbjørn* 1945, *Nils Arthur* 1951), Ola 1918-48 g 1945 m Olga Dyveseter frå Valdres, var konduktør på Holmenkollbanen, Oslo, Knut 1919 har garden, Bergliot 1921-32, Olav 1923-61 g 1954 ro Ingrid O. Veslestølen (han døyde av ein ettersjukdom etter gulsott, dei hadde dottera: *Magnhild* 1954), Anna 1927 g 1945 m Engebret G. Bergo. - Ei stor brannulykke hende på garden 6. juli 1964. Heile uthusbygningen brann ned nattars tid. To kyr og to kviger strauk med. Knut overtok garden 1964. Ny uthus bygning vart sett upp sama sommaren. Nosauedrift. Har bygt nytt, stort bustadhus dyrka upp mykje jord, bygt ei hytte til ut: leige og selt fem hyttetomter. Overtok Vannevikji hausten 1973 etter skyldingane sine. Vannevikji er ein overlag vakker stad langsmed vegen sørover til stølsgrensene og Lykkja.

Søre Haga

Gnr 53, bnr 13.

Nedlagt bruk.

Høyre no til nørde Haga.

Torstein Embrikson Gunnvaldgarde 1781 -1855-74 budde der, g 1) 1820 m Liv Eiriksdtr Haug 1781-1836-55: Sunnev 1821 -95-74 g m Embrik Nilsehaugji, Eirik 1824 g 1852 m Kari i. Grøto, bonde i Ristebrøta i Valdres (dei hadde i Hemsedal dottera: *Liv* 1852). - Torstein g 2) 1838 m Olaug Olsdtr Grøvargarde 1809-62-53: Ingvar 1838 bonde på Storejorde og i Reiarгарde, Embrik 1841-1904-63 bonde i Tregarde, Liv 1848 g 1868 m **Jakob** Haugji i Valdres. Dei hadde sonen: *Finnkjell* 1870-90-20. - Då Jakob var død, reiste Liv til Amerika 1878, men Finnkjell vart verande hjå morbror sin i Toregarde. Han var sjukleg, hadde fallesjuka. Låg til sengs på det siste. Marte skjønnte at det vart banen hans og søkte gje han åndeleg rettleiing. «Æ du bangjin før å døy,» spurde ho. Han svara med Salmeordet: Med troens skjold utruste du den bange sjel mot dødens gru! (Landstad nr. 361). Liv vart gift att i Amerika med Knut Arneson Skiftesbakka. Ho døyde i barnseng, og både ho og tvilingane ho fekk, vart lagde i sama kista. Då Marte Toregarde fekk høyre om dette, sa ho: «Det følgde støtt slik mandigheit med henne Liv, det va ventan ho reiste mandig herifrå med.» Etter at Torstein var død, hørde søre Haga til Medgarde i Eikre som utbruk, til nørde Haga kjøpte det i 1890 eller deromkring.

Bubakkjin

Gnr 53, hnr 23, lnr 571.

i Bubakka. Bruket ligg for seg sjøl nede ved det søre oset i Store vatnet.

Ola Embrikson Gunnvaldgarde 1771-1832-61, Store-guten dei kalla, budde der, 1809 m Rangdi Bjørnsdtr Høgehaugji ca 1789-1876-87. Kjøpte bruket av Hallbjørshus seiest det. Ola kjøpte og eit skogstykk av Ola O. Eikre (som rtA 1848) i Eikrestøllin på sørsida av Veneskard. Eikre selde dette av sameiga, dei tok det ikkje så nøygje soleis den tid. Eikre skulde ha ei fjorkvige for skogen. No hadde dei två fjol'kviger i Bubakka, Eikre skulde få velja. Men Bubakkjin vilde gøyme burt den beste. Seint på kvelden 11. juli 1832 vilde Ola ro kviga frå Bubakka nord til Nyset. Men kviga slo seg vrang og velta båten. Ola drukna. - Borna til Ola og Rangdi: Sunnev 1810 budde «uttafør», Embrik 1813 d, Mari 1815 budde «uttafør», Ragnhild 1817 likeso, Birgit 1819-96-77 g m Aslak Malarbrøta i Eikre, Ragnhild 1821 g 1848 m Bjørn Hallen, rtA 1852, Embrik 1823-1909-86 bonde i Bubakka, Bjørn 1826 bonde i Gjerde rtA. - Rangdi vart g 2) 1839 m Ingvar Bjørnson Jodøkk 1803-9390, som heldt til i Rundtupp ei tid. Barnlause. Ingvar døydde på Bergo hjå Ragnhild, sonedotter til kona si. Embrik g 1851 m Angjerd Ivarsdtr Lislelin, Sørbøl, d 1917 omkring 92 år gamal, hadde Bubakkjin til kring 1890, då sonen Ola overtok garden. Born: Ola 1851-1925 hadde garden ei tid, Rangdi 1853 g m Knut Vannevik, Ragnhild 1856 g m Embrik Bergo (hadde før: *Ingebjørg* Olsdtr 1876 g. m Gunnvald og sea Ola Grøvgarde), har 1858 bonde på Hallbjørshus, Aslak 1861 rtA og døydde der ikkje lenge etter, Ragnhild 1865 rtA, Halvor 1868 rtA der han vart restauratør, Birgit 1871 g m TorkJell Hjelme. - Angjerd budde hjå Ivar Hallbjørshus, son sin, dei siste åra. Ola hadde garden til han vart sinnssjuk 1913. Sea budde han. hjå syskina sine, dei siste åra på Hallbjørshus. Han døydde av kreft på sjukehus i Oslo.

Bubakkjin vart so seld ved auksjon 1914 til doktor *Nils Roede* og overlærer *Ingolf Sørensen*, Oslo. Dei delte eigedommen mellom seg slik at Sørensen fekk den nordre delen og Roede den søre. Sørensen kjøpte den gamle stugo hjå Per Aalrust og sette ho upp att i Bubakka. Roede kjøpte ei gamal stugu hjå Andre Aalrust og ei hjå Kari Løkji og fløtte dei dit upp. Byfolka i Bubakka var av dei fyrste som fekk seg sommarbustad i Sørbygden i Hemsedal (det var visstnok berre på Grytestøle og Trefun det var kome byfolk før). Hyttebygginga hadde ikkje for alvor teke til endå. I Bubakka, som er ein av dei vakraste stadene kring Storevatnet, vart det med kvart ein heil koloni av byfolk, for det meste slekt og skyldfolk av Sørensen og Roede. Redaktør *Nils Raknerud* bygde stugu der, og likeeins bokhandlar *Emil Lie* fril Hamar, som var g m Borghild Raknerud, syster til Helen a og Nils. Nils Roede (1870-1961) var gift med *Lill Mellbye*, dotter til statsråd Johan E. Mellbye, og overlærer Sørensen var gift med lærarinne *Helena R2knerud*, dotter til redaktør Lars Raknerud i Drammen. Ætlingane etter desse bur framleis i Bubakka. - I den fyrste tida, før den store straumen av feriegjester breidde seg utover fjellviddene, lærde by- og bygdefolket kvarandre betre å kjenne, og samværet fekk ein meir personleg karakter over seg. Byfolket la merke til det sermerkte ved bygdekulturen, og dei lærde å setja pris på sed og skikk hjå fjellfolket, og dei tok ogso etter i somme ting, til dømes var det vanleg at dei tiltala sine kjenningar mellom bygdefolket med fyrenamnet, slik. som skikken var i fjellbygdene frå gammalt. Som uttrykk for dette tek me med eit vers av eit dikt som doktor Roede skreiv ved eit høve: I Lykkja går tiden så fort og så godt, vi ser ofte solskinn om været er grått. I Endrestuens ærverdige hall vi lesar og hygger oss - ja, holder ball. Hvis fisken i Storevann ei vidare biter, så trygt vi på klokkeren Grøthe liter. Melk og fløte oss Birgit gir, av Margits smør vi feite blir. Ola og Sjugurd, ja alle tilsammen bringer i Bubakken fryd og gammen. Bubakkstølen, som ligg i Lio eit stykke nord med Storevatnet, vart selt til Per Båste i Grohaug, og høyrer framleis Grohaug til.

Liotun

Gnr 59, bnr 17.

i Liotun. Ny bustad.

Gamle Rustberggardlie var ei slätte som sistpå høyrde Haugji til. Arne K. Fjæren f 1912 (brukar sitt eige ættenamn) fekk kjøpt Øvre delen av denne slåtta 1949 av Ola, bror sin, og bygde og budde her med huslyden sin. Eit mindre skogstykk følgde med i handelen. Arne bygde bustadhus og hytte til utleige og har selt 12 hyttetomter på eigedommen. Frå 1951 er han fast tilsett som damvaktar for Abjøra kraftverk (Storevatn, Flyvatn og Tessleirn). Arne vart g 1946 m Ragna G. Bergo f 1933. Born: Grethe 1947, real- og handelsskule, g 1970 m Geir Solheim, Oslo (har ei gjente: *Anette* 1971), Kirsten 1949 realskule, g 1971 m Øivind Holmen, Oslo (har ein gut: *Stein Andre* 1972), Inger 1952 realskule og gymnas, Gunnvor 1955, Astrid 1957.

Sjå vidare Solli 53-114.

Solli

Gnr 53, bnr 114. i Solli. Ny bustad.

Nedafør Liotun kjøpte *Arne Fjæren* 1965 ei 4 mål stor tomt av Rasmus Eikre. Sette opp nytt bustadhus her og fløtte hit 1967. Var visstnok den fyrste i Hemsedal som kjøpte ferdighus frå fabrikk til privat bustad.

Lykkjeheim

Gnr 53, bnr 50. Ny bustad.

Fritz Willy Gabrielsen frå Haugsbygd på Ringerike bygde her. Kom til Hemsedal 1945 tilsett ved Hemsedal samvirkelag, der han var i fem år. I 1948 kjøpte han halvt anna mål grunn av Nils O. Hagen, og bygde eit stort två-høgda hus, busette seg der og kalla staden Lykkjeheim. Vart g 1945 m Guro K. Ullsaker f 1915. Dei driv kafe og har telefonsentralen i Lykkja. Han driv dessutan drosjekøyring og har skulebemkøyringa frå Lykkja til Ullsæk skule.

Born: Sverre Knut 1947, yrkesskule og handelsskule, g 1969 m Anne Ruth østro, Gol, f 1951. Dei budde på Hemsedal samvirkelag den tid han var tilsett der. Fløtte så til Gol i 1971 (två born: *Geir* 1970 og *Frode* 1972), Anne Kari 1950, realskule og handelsskule, husmorskule og husfiitskule. Sentralborddame i Hemsedal 1971, kontor dame i Oslo frå januar 1973.

Andre huslydar

som har butt i Lykkjun:

Ola Storejorde fortalde at med han var liten og budde i Turrhaug, skulde han eingong få følgje Kari, syster si, og vera fremman hjå Reiar-Embrik. I *Rustberggardlin* budde det då ei som dei kalla Momre-Sigrid. Ho hadde ei fin nepheøye ved stugo si og ga Ola ei nepe. Gamle Eivind hadde hørt at Momre-Sigrid var frå Medgarde i Grøndale. Ei Sigrid f 1804 vart g m ein Knut Knutson Ullsæk. Ei Sigrid Nyhus er død som fattiglem i 1849. Nokon annan Sigrid som det kunne vera tale om, er ikkje nemnd i kyrkjebøkene. Huslydar som truleg har butt i Lykkjun, Ulen uvisst kvar:

1. Ola Lykken g 1693 m Sigrid Tomasdr.
2. Embrik Lykken g 1699 m Sigrid Ålrust. Born: Øystein 1700, Mattias 1705.
3. Gaute Halvorson g 1732 m Margit Tomasdr: Ola 1732 g m Margit Halvorsdtl og sidan Barbo Larsdr, fraus i hel 1771, Halvor 1742-97-55 død på Torset, Tomas 1736, Gunhild 1740 d, Gunhild 1745.
4. Per Larsson og JørØnd Jonsdr (Hallbjørshus) Løchen: Anne 1724, Lars 1726, Gunvor 1728, Per 1730.
5. Embrik Løchen, truleg død i Valdres 1755: Guri 1725 g 1748 m Knut Reiarson Lykken, Gunnvald 1729 bonde på Gunnvaldgarde, d 1767.
6. Tormod Løchen med dotter: Birgit 1726. 7. Reiar Helgeson d 1740 kring 58 år gamal, g 1725 m Margit Torsteinsdr: Ilae kring 1725-1803-78.
- 8~ Reiar Helgeson og Kristi Eivindsdr Løchen g 1732: Eirik 1732, Henrik 1733, Margit 1734 (uppkalla etter fyrste kona).
9. Torstein Asmundson og JørØnd Torleivsdtr Løkken: Sunnev 1740-83-43 g m Gunnvald og sidan Embrik Gunnvald garde, Ragnhild 1745 g m Torstein Hansson Eikre på Hjelme, Kari 1748, Kari 175383-30.
10. I skiftebrev av 1743 blir det nemnt ei Margit Hansdr Lychen. Mannen heitte Arne. Det blir vidare nemnt två umyndinge døtrer, venteleg fødde i Boyesenstida: Birgit og IngebjØrg Arnesdr. Skiftesamlinga var på Hovtun i Gol. A v krØter var det i buet 3 kyr, 1 kalv, 1 sau og 2 bukkar.
11. Halvor Olson Lykken eller LØke g 1737 m Sigrid i onsdtr: Kristi 1738 g 1764 m Ola Helgeson Bakke, IngebjØrg 1740, Olaug 1742, Ola 1744, Anne 1745, Anne 1747 d ca 1776 g 1775 m Einar Grønåse, Ingerid 1749-1836-87 g 1785 m Ola Olson Døkk.
12. Ingvar Embrikson Lykken d 1773 ca 61 år gamal, g 1749 m Ragne Henriksdr: Guri 1749-51-2, Guri 1751 g 1770 m Bjørn Grøvog 1777 m Ola FØdnes i Valdres, Barbo 1753 g 1772 m sander Steingrimson, Anne 1755. 13. Aslak Knutson Lykken g m Birgit Bjørnsdr 1737. 14. Ola Olson g m Anne Jakobsdr Haga (d 1759) i Lykkja: Guri 1746, Kari 1751 budde på Grøto, Ola 1753, Ragnhild 1755, Jakob 1759.
15. Ivar Jehanson Lykken g 1767 m Birgit Knutsdr: Jehans 1767.

16. Knut Olson Ullsåk f 1738, g 1767 m Rangdi Sveinsdtr Hallbjørshus f 1745: Liv 1:67, Birgit 1769, Svein 1771, Ola 1775, Birgit 1777, Barbo 1779 Svein 1780 g 1822 m Margit Skarsplasse, bonde på Jegerhaugji ei tid og vart kalla Jegern, han rtA.
17. Bjørn Knutson Grøv 1743-73-30 g 1770 m Guri Ingvarsdtr Lykken f 1749. Guri var visst odelsgjente, for far hennar er upp kalla fyrst: Ingvar 1771.
18. Bjørn Grøv døydd 1773, og Guri vart oppattgift med Ola Bjørnson Fødnes frå Valdres: Bjørn 1777, Barbo 1781.
19. sander Steingrimson Lykken, seinare Torset var frå Høvtuno i Gol, g 1772 m Barbo Ingvarsdtr Lykken 1753-80-27: Ragne 1774, Steingrim 1780 d.
20. Embrik Helgeson Jordheim f 1747 g m Sigrd Gautesdtr Lykken: Helge 1778, Rangdi 1781.
21. Embrik Olson Løkken g 1764 m
- Birgit Olsdtr. 22. Ola Ivarson og Astrid Håkonsdtr Lykkjeplassen: Tore 1716. 23. Nils Embrikson Grøto f 1795 og Anne Monsdtr Jordheim g 1824: Margit 1824 d, Margit 1825, Sigrd 1831. 24. Torleiv Jonson og Margit Ivarsdtr Lykken: Jon 1830. 25. Ola Tomasson Lykken og Margit Olsdtr: Kari 1835 26. Ola Ivarson Lykken og Anne Olsdtr, som døydd 3 veker etter å ha fått dottera: Margit 1866.

Andre som døydd i Lykkjun eller på Løkji: Gaute Halvorson og sonen Ola fraus i hel på fjellet mellom Valdres og Lykkjun 1771. Gaute Løchen d 1708, 72 år gamal. Ola Knutson Lchen 1709-87. Isak Ol son Løchen d 1732, 32 år gamal. Knut Gunnvaldson Løchen 1740, 45 år gamal. Asmund Lykkes kvin de 1749. Vebjørn Lykken 1755. Torleiv Torsteinson Lykken d 1767, 26 år gamal. Svein Embrikson Lykken 1776-80. Gunhild Torsteinsdtr Lykken d 1788, 81 år gamal. Ragna Knutsdtr Lykken d 1792, 81 år. Ola Olson Løkken d 1814, 81 år. Barbo Embriksdtr Lykken d 1827, 81 år. Margit Knutsdtr Løkken d 1829, 22 år. Kari Bjørnsdtr Løkken d 1830, 62 år. Svein Olson Lykken d 1831, 3 år. Ingebjørg Torleivsdr Løchen d 1832. Anne Olsdtr Lykken d 1833, 12 år gamal.

Markegards- og Ålstveit-grende

går i eitt og har hørt i hop som eitt bedarlag frå gamalt, men dei stolar ikkje på sama staden. Til Markegardsgrenden høyrer Søre og Nørdre *Markegøla*, *Båste* og *Jodøkk*, dei två *Haugagardane* (skrivi Langehaug) og Søre *Myte*. I eldre tid var det vinterbuande folk i *Hallen*, som ligg eit stykke oppmed den gamle stølsvegen, deretter heimstøl for Nørdre Markegølo. Lenger oppunder åsen hadde Haugo-gardane heimstølane sine, og eit stykke nord for Hallen låg *Nasabøle*, heimstøl for Søre Markegølo. Det seiest at det skal ha vore vinterbuande folk der i gamal tid. *Lislelie* nordafor der att kan ha vore heimstøl for Nørdre Markegølo, eller *Lusestølen* lenger nord upp i åsen. Det finst åkerreimer både i Lislelin og på Nasabøle. No er ikkje heimstølane i bruk lenger. Langstølane sine har desse gardane i *Markegardslin*, som ligg på austsida av Storevatnet frå elva Hynda og sørover. Stølen åt Nørdre Markegølo ligg nørdest og heiter *Trefsta*, og slåttestølen lenger sør heiter *Storestøln*, men der sit dei ikkje lenger no. - Nyreiste bruk: *Aspelund*, *Asly* og *Lisletun*. *Ålstvdt* fekk langstølane sine på *Nørelin* rett over for Lykkja på andre sida av Nøra og Tessleim. Det går ei gamal søgn om at Nørelie skal vera komen frå Storla i Gol som heimanfølgje med ei gjente som Vart gift til Ålstveit. Men det spørst om ikkje dette er ei forklaringsøgn som skal fortelja kvifor Nørelie ligg innafor Gols noverande grenser. Det heitte at Nørelie-ingane før støla på Nyset (ved Skogshødn), men etter namnet å døme kan ikkje Nyset vera noko gamalt støslag. På Nørelin hadde uppsitarane - som ymse andre stader i bygda - både ein «øvre»støl med inngjerd vøll, der dei «sat» fyrst nå sommaren, og ein «slåttevøll», dei kalla, lenger nede der dei «sat» sist på sommaren, for der var det lognare når det bar imot hausten, dessutan spara dei hamna der nede til dei hadde slege vollane. - Det var lang stølsveg åt Nørelin. Stigen gikk i gamal tid på vestsida av Storevatnet forbi Grytestølatn, Urditn og Eikrestølatn og so over Vene skard til Nørelin. Det som skulde fraktast, kløvja dei eller bar dei frå Storevatnet og upp, der dei hadde båt. Det fall trølsamt. No er det køyreveg frå Lykkjun og over åt Nørelin med bru over Nøra. Huso (Nørdre Myte) fekk seg støl på *Bjarnesletta* ova Eikrestølatn. Heimstølane sine hadde Ålstveit-grende upp i Åse rett ovafor. Desse heimstølatn vart kalla *Finn*. Der «sat» dei ei stutt tid vår og haust i gamal tid, men det tok slutt i min barndom. Berre om hausten, før dei kunne sleppe krøtera inn på jordet, batt dei kyrne inn der uppe og bar mjølka ned. No er det slutt med det og. Ålstveit var truleg ein gard frå fyrsten. So vart *Rundtupp* og *Bakka* skilde ut og sea *Huso* og bygsel bruket *Jøta*. Eit Ålstveiteigo er nemnt, men kvar dette bruket låg, er uvisst. Til slutt vart hovudbølet delt i två: *Ålstveit* og *Flata* (1859).

Markegølo

I grenden seier dei no som før Markegølo. Etter det skulde ein tru at det var två gardar her i bureisingstida «gølo» med tjukk I er dativ fleirtal av «gard», det "eiter no «gardo»). Men stundom har den eine og same bonden ått alt i hop. I eit dokument 17-3-1654 heiter det: «Jakob Olsen Markegaard og Haakon Olsen Holde (Hølle) tilstaaer at være saa forenet, at jeg bortsætter til min Halvbroder Haakon Holde et Slaattelend kaldet Haakonsslaatten (som låg i Markegardslin), som han skal oprydde og indgjærde til sin Odel og Eiendom, dog paa den Kondition (vilkår), at han ei skal have mer Raadighed end at flække Næver til sine Luehus, men Skov og Havnegang skal alene tilhøre Markegaards Beboere. Men Haakonsslaatten skal bemeldte Haakon Holde eie og bruge og gjøre sig saa gavnlig som ske kan uden ringeste Vederlag til Gaarden. - Jakob Olsen Markegaard. Haakon Olsen Holde. - Til Vitterlighed: Aslag Pedersen Grøv. Hans Løken.» Håkon Hølle er nemnd i eit anna dokument av 16-10-1676: «Tilstaar jeg at have transporteret og makeskiftet mit Slaattelend, som jeg fik av min Broder Ole Olsen Intelhus, udi Pladsen Sprike (Sprikji, bruk under Hølle) paa samme Maade som jeg haver havet og brugt.» - I skattematrikkelen av 1647 er Jacob Marchegaard oppført som eigar. Garden er skattlagd som øydegard. Jakob åtte visstnok ei tid halvparten av Trøym. Om Ola, son til Jakob, heiter det i ei skiftekontrakt av 1707 at han «boede udi søndre Trøym og Markegaard». Etter denne kontrakta vart borna hans samde med dei två syskinborna sine, Jakob Olsen (g m Liv Hansdtr) og Ole Olsen, om at Jakob skulde få Trøym og Ola få Markegølo. - Borna etter Ola Jakobsson: Ola bonde i Gronke, Herbrand bonde i Vang i Valdres, Helge som vart buande i Hemsedal, og Kari som vart g m Sjugurd Bjørnson i Gol. Av skiftekontrakt 1715 etter Ola Olson og attlevande kone Guro Persdtr ser ein at dei hadde desse borna: Ola bonde på Markegølo, Jakob bonde på Fausko, Per bunde på Trøym, Knut bonde på Ullsåk og Birgit g m bygdensmann Ola Hansson Grøto. Guro vart seinare g m Lars Sjugurdson Grøto på Ullsåk. - Markegølo var snart samla og snart delt i denne tida. Kyrkjeboka for 1699 nemner ein bygdensmann Ola Markegølo (ein Ola Olson M., truleg denne, døydde 1741, kring 69 år gamal) og kone Birgit, som døydde i 1701. Dei hadde två born: Kari 1699-1784-85 g m Ola Knutson Skar, og Anne 1701-42-41 g m Ola Olson Nørdre Eikre. Ola vart g andre gongen 1702 m Ingerid Aslesdtr (ei Ingerid Markegølo døydde 1755, 72 år gamal). Dei fekk 10 born: Ola 1703 bonde i Markegølo og Intelhus, Birgit 1705 g m Aslak Ivarson Ullsåk, seinare Steinsrud, Tore 1707 bonde på Ullsåk, Jakob 1709 bonde i Skar, Barbo 1712 g m Ola Halvorson Skaga i Gol, Asle bonde på Kjedbard i Gol og Gullingsrud på Nes, Knut bonde i Stola i Gol, Embrik bonde på Engjo, Margit g m ein Ivar Eirikson, Guro 1726 g m Ola Steingrimson Bø. Etter det Semlen fortalde, var det denne Ola Markegølo som i 1722 kjøpte kyrkjene i Hemsedal, Gol, Nes og Flå. Sjå om dette «Hemsedal» s. 141/151. At sonen Asle vart bonde på Gullingsrud i Nes (kyrkjegods), styrkjer denne tradisjonen. Likeso at presten Andres Boyesen melde krav i skiftet etter Ola Markegølo 1742 for lyshald i Hemsedal og Gol kyrkjer for tre år a 2 rdl pr. år for kvar kyrkje (etter forordning av 1739). Ola Olson Markegølo, truleg han som var fødd 1703, vart 1726 g m Ragnhild OJsdtr. Ho døydde som enkje 1770 i 68-års alderen. Ola døydde truleg i 1762, det var ein Ola O. Markegølo som fall burt då. Ola og Ragnhild budde fyrst på Markegølo, men kom sea til Intelhus. Broren Embrik vart 1751 g m Margit dotter til Andres Halvorson Grøv. Dei budde på Engjo. So kom Ola Hansson Intelhus til Markegølo, g 1750 m Margit Oddmundsdtr Gudi (Gøe) frå Valdres, som døydde 1799 i 70års alderen. Dei hadde borna: Ola 1752, Turid 1753 g m Ola Torleivson Langehaug, Ragnhild 1755-1809-54 g m Andres Hansson Trøym, Ola 1758-1838-80 bonde på Markegølo, Sebjørg 1761-1829-68 g 1781 m Jon Hallbjørshus, Kari 1764-1841-77 g m Bjørn Søre Skølt, Oddmund 1768-1847-79 bonde i Grøndale og Grønåse. Ola Olsson 1758-1838-80 vart g 1783 m Kirsti Persdtr øvre Ålrust 1762-1840-78. Dei åtte bae gardane på Markegølo, bae Haugagardane og kyrkjene i Gol og Hemsedal. Ola døydde på stølen (Treftha) i juli 1838. Sonen Tore reiste åt Lykkjun og fekk gjort kiste, som han bar nordpå Treftha. Båra vart frakta nedåt Storevatne og rodd heimi Oset. Derifrå vart ho køyrd heim til bygda på den måten at dei batt henne fast til två lange berestenger (lingsu) tillaga som skjæker med ein hest fyre og ein etter. Det var ikkje kjerreveg sørover på stølane endå. (Semlen, sonesonen, fortalde dette.) Borna til Ola og Kirsti: Ola 1784 bonde på Markegølo, i Gol, Valdres og Romsdal, Margit 1786, Barbo 1787, Per 1789-1823-34 bonde i Langehaug, Barbo 1791-1813-22 g 1811 m Hans Knutson Jordheim, Ola 1793-1818-25, Guro og Anne 1794 tvilingar, døydde unge, Tore 1795-1882-87 bonde på Markegølo, Hovtun i Gol og Semle i Valdres, Oddmund 1797-1837-40 bonde på nørdre Markegølo, Margit 1799-1810-11, Ragnhild 1801 g m Torleiv Granheim i Valdres. - På skiftet etter Ola vart det m.a. registrert: 2 massinglysestakar, 3 tinnfat, 3 kaparkjellar, 6 gryter, 2 hamarar, 2 plogar, 3 pund jarn, 16 ljå, 2 handsager, 4 skyru, 2 lauvknivar, 3 grev, 7 dyner, 5 høvdslag (hovudputer), 13 sengklede, 4 teppe, 11 benkedyner, 6 skinnfddar, 3 laken, 4 tylvter bord diskar (tretalikal), 17 kjerald av ymse slag, 6 øltun-ner, 8 syrpebytter, 3 ringjer, 3 embarar, 2 kinner, 2 vass-spønn, 31 mjølkebal, 24 mjølketrøg, 4

takker, 5 matfat, 3 fiskefat, 4 skaler, 2 leirfat, 4 store pipekanner, 2 meihakar, 2 tvihakar, 3 sledar, 2 Salmebøker, 3 hestar, 29 kyr, 5 kviger, 7 kalvar, 15 geiter, 21 sauer, 5 bjøller med klavar, 15 net (fiskegarn), 20 bismarpund smør a 3 mark, 12 tunner korn a 3 rdl, vidare smiubelg, smiutong, spikerlø, tinnkanne, staurstong, børs, bordduk, kupe, *trøys*, brennevinskjel, karmannssal, huspostil, Kong Christian V.s lovbok, fiskebåt og fiskevad (not). Det må soleis ha vore stor velstand på garden. Ola hadde dessutan velde *over* kongstienden i bygda, verdsett til i alt 301 rdl. Det skulde svarast 10 dalar av kvar halvgard, 5 dalar av kvar øydegard og 2 1/2 dalar av kvar halve øydegard. Det var den 21. juni 1723 at Ola og presten Boyesen fekk skøyte på kyrkjene i Hemsedal, Gol, Nes og Flå *for* tilsaman 1301 dalar. Då Ola døydde, hadde han att berre kyrkjene i Gol og Hemsedal. Til Hemsedal kyrkje høyrde då halvparten av garden Skar. Semlen (Ola Toreson Eikre 1825-1912), som var fødd og oppvaksen på Markegølo, fortalde mykje om slekta si og den gamle tida. Då Ola og Kirsti styrde, hende det at ei kvige kom heim att med ei ørnekle i ryggen. Den andre kloa, og ørna, heng att i ein stuve. Ho hadde fått *for* godt tak og fekk bøte med livet. - Ola, den eldste: sonen, vart i 1811 g m Ragnhild Gud-

brandsdtr Fødnes frå Valdres. Dei vart ikkje verande på Markegølo, Ragnhild syntest det vaks *for* dårleg grøn (korn) der. Dei kjøpte so Søreli i Gol, men Ragnhild syntest det var *for* steinut der. Ho vilde til Valdres att. Dei kom *fyrst* til Høve i Vestre Slidre, sea til Ellestad, der Arne Berg *frå* Gol budde seinare. Men det var ikkje bra nok der heller, og so fløtte dei til Heen i Romsdal. Der døydde Ragnhild, og Ola vart gift att med Anna Tokle. Dei kom til slutt til ein plass under Heen. Der døydde Ola i 80-års alderen, nokso forarma. Han trega på at han hadde flakka so vidt: «Hadde e endå vøre i Søreli, so hadde e hatt graut åt tenestgute mine. Men det va så steinut der at det låg tvo steina jamsies o ein upp i myljo.» Då Ola reiste til Gol, selde han Markegølo til Kolbjørn Viko *frå* Gol. Kolbjørn vilde gifte seg, og verfaren skulde bli, sette som vilkår at dersom han fekk kjøpt heile Markegølo, skulde han få gjenta. Det greidde han, men vart ikkje verande der lenge. Han stelte seg slik at han ikkje fekk tenestfolk. Han ga dei *for* lite mat. Det vart sagt i spott at dei berre fekk ein halv smalfot i maltidet. Ein heil, meinte Semlen, men det var *for* lite det med. So vart det ordna slik at Tore, bror til Ola, kjøpte søre Markegølo og Oddmund nørde garden. Dei betalde 1000 dalar for kor sin del, og det var god pris den gongen. Oddmund vart g m Barbo Knutsdtr Intelhus, syskinbarnet sitt. Knut Intelhus var imot giftarmalet. Bjørn Skøltebakka gikk der på friing på same tid. Oddmund og han var godven er. So gjorde dei det slik at når Bjørn kom inn på Intelhus i mørkret, bar han Oddmund med seg på ryggen, so gamle Intelhusen ikkje skulde høyre at det kom meir enn ein. Slik gikk det ei tid. Til slutt ga han seg, som godt var, gamle Intelhusen, og venskapen mellom dei unge gikk av med siger.

Søre Markegølo

Gnr 54, bnr 1, Inr 573 a.

på søre Markegøla.

Vanleg skriveform: Markegard.

Søre Markegølo vart alto kjøpt av Tore Olson 1795-1882-87 som i 1823 vart g m Kari Herbrandsdtr Trøym 1804-92 8. Kyrkjene og Langehaug var då *frå*komne. Ved sida av gards arbeidet vana Tore med å brenne pottoske, som han selde uttafør. Ikring 1857 selde dei Markegøla og kjøpte Høvtuno i Herad i Gol, der dei var i två år. kjøpte so Semle i Valdres (for 1900 dalar). Denne garden hadde 35 mål åker og fødde upptil 19 naut, men det var skrinkd gjeft (foring) den tid, so avdråtten vart ikkje deretter. Born: Ola 1825-1912-87 bonde på Semle og i Eikre («Semlen»), Herbrand 1826 d, Herbrand 1828 d, Ingebjørg 1829 g m Ola Olson søre Eikre, Herbrand 1832 rtA, Kirsti 1836 g m Tor Bø i Valdres, Guri 1840 g m Eivind Follunglo (Følenglo) i Valdres, Per 1842, Knut 1846 og Ola 1848 som alle *tre* rtA. Tore selde Markegølo til Knut Torson Høvtuno *frå* Gol f 1795 g m Rangdi Kristionsdtr. Dei hadde sønene Tor, Kristian (som hadde Skøltedøkkji nokre år) og Knut og døtrene Kristi g m Ola Vermåker i Gol, og Mari som vart verande ugift over i Amerika. Under indianer-ufreden i Minnesota 1869 tente ho hjå ein huslyd som indianarane drap, men Mari gøynde seg burt og Berga livet. Sonen Tor g 1854 m Barbo Larsdtr Rust *frå* Gol overtok garden, men dei drog til Amerika alt i 1859. I Hemsedal hadde dei dottera Rangdi 1855-1927 som i 1875 vart gift der over med Ivar Torson Vindfallet *frå* Gol. «Ho var ei tru og kristeleg kone og mor.» skreiv «Hallingen» i minneordet. amlefolket Knut og Rangdi reiste etter til Amerika i 1866. Dei var då 74 og 75 år. sonen Knut f 1857 i Hemsedal vart g m Ingerid Sveinsdtr nedre Løkji. Dei fekk dottera Rangdi med dei var i Hemsedal. Dei og *drog* over til Amerika, men Knut rakk ikkje mange levedagar der. Dei skulde ta med båt på Mississippi eit stykke, men Knut fall overbord og drukna. Pengeboka hadde han på seg, og ho med vart burte. So sto Ingerid der med veslegjenta si utan noko å berge seg med økonomisk. Ho vart sea g m enkjemann Andre Rustberggarde i Gol (f 24-6-1835). Han var fyrst g m Turid Sveinsdtr Haugo. Dei rtA i 1866 og busette seg i Lansing, Iowa. Turid døydde same sommaren, og son deira vart uppfostra hjå ein Ola Vesle dal for 1 dollar veka i 9 år. Han gifta seg då han vart vaksen, og två av sønene hans

var med i fyrste verdskrigen. Rangdi vaks upp hjå mor og stykkfar sin og vart som vaksen g m Bjørn Lion frå Nes, men dei fall tidleg burt båe två. Ingerid og Endre derimot levde so seint som i 1920. Då Tor og Barbo rtA, vart søre Markegølo kjøpt av Knut Knutson Grøv 1819-75 g 1860 m Margit Larsdtr nørdrø Markegølo 1841-62-21. Ho døydde *tre* veker etter fyrste barnseng. Knut vart so gift att andre gongen med Kari Sveinsdtr øvre Løkji 1839-1923-84. Dei hadde desse borna: Knut 1864-1953 hadde garden, Svein 1867 d, Margit 1868 g m Jon Vilhjelmson Vøllø, Birgit 1871 g m Andres Knutson Steinteigji, Sigrid 1873 gift til Lier 1899, Svein 1875 rtA, vart sinnssjuk, Ola 1878-1938 budde heime hjå mor si, sinnssjuk, Margit 1880 rtA 1904, og så tvilingparet Ola 1883, som rtA, og Per 1883 politikonstabel i Drammen g m Ragnhild Bjøbergo. Knut vart g m Anne Persdtr Grøv 1876-1957. Han *tok* på og fekk mura steinfjøs, som var noko av eit sersyn i bygda. Berre eitt til er bygt av det slaget (på Grøvangarde i Lykkjun). Det vart mura utanom det gamle, og arbeidet *tok tre* år. Murmeister var Ola Moen frå Ål «Moingen» dei kalla, som hadde busett seg i Hemsedal (på småbruket Haugen ved Trøym). Det var nemleg mykje fin murestein å få tak i på eigedomen. - På søre Markegølo sto det ei gamal høgstugu, dei kalla, setesstugu med løft oppå. Peispipa gikk igjennom løftet. Det sto ei slik stugu på Ålstveit med og på nedre Løkji. Prestestugo på Trøym var likeeins høgstugu, men der var det peis uppe på løftet med. Etter det Semlen hadde høyr, var det gudbrandsdøler som hadde bygt høgstugo på Markegølo, so skikken kan vera komen derifrå. Det var og vanleg med flatare (latare) tak i gamal tid. Bygde dei fjerdingsraust, dei kalla, skulde høgda på raustet vera ein fjerdepart av breidda på timra. I dei gamle stugun på Markegølo var det berre ein diger møningsås, ikkje varaåsar, men det var sterke sperru. Taket var dæletak, dvs. tak av telgde klovningar med dæler oppå. -- Borna til Knut og Anne: Knut 1903 fekk garden, Per 1905-54 reiste til Canada og vart g m Barbara Wepruk, dei budde i Piumas, Manitoba, men både Per, kona hans og sonen Kenneth omkom i ei brannulykke, Kari 1907 g 1933 m bonde Eilert Mattæus Eek, Røstad i Hurum f 1898, Guro 1909 d, Engebret 1910 g 1952 m Birgit Larsdtr Engjo, bonde i Huso, Konrad 1912 byggmeister, g 1952 m Margit S. Grøto f 1914, bur i Gol (born: *Kari* 1950, *Lilli* 1952), Guro 1914 g 1945 m jarnvegsmann Gunnar Haugen i Gol f 1912 og bur der (born: *Anne Grete* 1947, *Tormod* 1950), Margit 1916 g 1947 m bonde Ola Rukke i Rukkedale (har ei gjente *Anne Marie* 1954), Per 1918 murar, g 1957 m Guro Fosshaug frå Geilo og bur der (born: *Knut* 1960, *Pål* 1965, *Anne Marie* 1970). Knut overtok garden og vart g 1945 m Olga Larsdtr Eikre. Bygde nytt bustadhus og so kårstugu til seg sjøl. Har rudt og dyrka upp mykje heime og på stølen. Har selt 3 bustadtomter heime og 2 hyttetomter på stølen. Har vore med i heradsstyret. Born: Kjell Olav 1946, landbruksskule, har no garden, g 1972 m Sigrun Hæreid, Ål, f 1946, Anne Lise 1948 g 1969 m Hans Fredrik Leonsen, Årnes (born: *Tom* 1969, *Morten* 1973), Lars Magne 1951, Margit 1955, Per Gunnar 1960. - Kjell Olav og Sigrun har: Knut Hæreid 1975. Knut selde ei tomt synst på eigedomen til Syver Rundtop, som her bygde seg bustadhus (Lisletun 54-35).

Nørdrø Markegølo

Gnr 54, bnr 2, lnr 573 b.

På nørdrø Markegøla.

Vanleg skriveform: Markegård.

Oddmund Olson 1797-1837-40 g 1822 Ål Barbo Intelhus f 1801 kjøpte alto nørdrø i Markegølo av Kolbjørn Viko. Han vart ikkje gamal. Da 15 år var omme, laut han skiljast frå Barbo og borna deira: Ola 1822 d, Ola 1824, Anne 1826-27-1, Anne 1828 d, Knut 1830, Ola 1836. Barbo vart gift att med Ola Endreson Søreli i Gol. Dei budde fyrst på Markegølo og sea på Engjo i Gol. Det gikk ut med dei økonomisk, og so reiste dei til Amerika. Med dei var på Markegølo, fekk dei sonen Oddmund 1841.

So vart garden kjøpt av Lars Person Vøllø 1799-1876-77, som før hadde butt i Venåse. Han var ifrå Finnset og vart i 1833 g m Kirsti Olsdtr Brandvøl 1805-83-78. Han var ein «før se» kar, hadde lett for å «sjå se te» (hauste fyremuner) og var ein ordhittig mann. Det gikk mange hermer etter han. Det var skikk i hans tid at gjentene gikk trøyelause om sommaren, især om sundagane, i høgлива granntystakk (heimevove ullty i tvoskaftvend). Då Lars ein gong såg ein dott gjenter klædde slik, sa han: «No ta kvitsiutn atte fara no.» Det er blada på kvittistelen som blir kalla slik, for dei er kvite under. På ein plass i nordbygden var fjøset nedrottna, so dei hadde krøtera i kleven. Då Lars kom inn i stugo, rautte det ei kyr. «Å, dei ha kydne i kammerse med her.» Sa han Lars. Borna til Lars og Kirsti: Kari 1834-86-52 g m Narve Jordheim, Per 1835-95-60 bonde på Markegølo, Ingerid 1837-1912-75 g m Jakob O. Skar, Margit 1839-40-1, Margit 1841-62-21 g m Knut søre Markegølo, Ola 1843-93 lærar på Moss g m Agna Severine Michelsen 1853-92, Guro 1845-1921-76 g m Rasmus Eikre, Anne 1848-88 g m Knut Vik, Valdres. - Dotter til Ola og Agna, *Kirsten Sofie Markegacrd* 1877-1912, utdana seg som lærarinne og reiste ut som misjonær til Madagaskar 1911 i Det norske Misjonsselskap si tenest. Etter snaue två års arbeid der ute vart ho sjuk og måtte reise heim att, men døydde ombord på båten nær Messina 6. nov. 1912. Den andre dottera deira, Aud, vart g m ein forretningsmann i Nordland. Per

overtok garden, g 1863 m Margit Larsdtr Eikre 1844-1912-68. Han var lenge med i heradstyret og hadde mange kommunale ombod. sakleg og hovsam i all si færd. So fri for partiomsyn som det går an å vera, og åtte av den grunn stor vyrdnad og tillit hjå bygdafolket. Stor og sterk og sta og bestemt, men likevel smalåten og saktmodig. Dei hermer etter han: «Ein kjem nøkk igjennom verde nå ein æ go te vera måte stor.» Det er ei kunst som ikkje alle kan. Men det gjorde han Per. «Jeg hørte en sa til ham i et skolestyremøte: «Rart at du æ her i dag, du då, o ikkje helde i brylluppe.» Han svarte: «Veit du ikkje det du då, at ikkje e bryr me om å vera i store selskap?» Ordene kom så støtt og godt fra ham, som kom de fra selve fjeldet. Og de slo an i møtet disse ordene som ekte for ham.» (HF). Borna til Per og Margit: Lars 1865-1922-57 bonde på Markegølo, Lars 1867-89 rtA 1888 og døydde der av meningitt, Kirsti 1869 g m Nils Gølberg i Gol, døydde i fyrste barnseng (dottera, uppkalla etter mor si, vart g m Ola E. Grøthe, grosserar i Oslo), Kari

1871-1909-38 g m Embrik Snerte som var bonde i Toregarde ei tid og seinare i Snerte, Ola 1874-1957 rtA og fekk seg farm der, ugift, Margit 1877-1957 g m Sjugurd Brennhøvd frå Gol som kjøpte Nordre Skølt, Kari 1879-1945 lærarinne i Rukkedale, g 1909 m byggmeister og sagbrukseigar Ola H. Ulsaker frå Hemsedal 1874-1966, dei budde den siste tid på Nes, Kari mykje sjuk og ufør på det siste (born: *Halvor* 1911 lærar i Norderhov, tviling systera *Lilli* sjukesyster på Aker sjukehus, *Per* 1913 har trevarefabrikk på Nes, *Sverre* 1915 lektor i Egersund og sea Ski), Olaug 1887-1953 g 1908 m Johan Andersen i Røyken og då han døydde, utdana ho seg som jordmor og fekk post i Biri. Lars vart 1894 g m Aune Olsdtr Snerte 1870-1958, var ein del med i det kommunale liv. Born: Margit 1897-1968 lærarinne i Vardal g m emissær i Misjonssambandet Ola Hovde frå Nord-Aurdal, Per 1898 bonde på Markegøla, Eline 1901-17-16, Kirsti 1902 g 1931 m Odd O. Ålstveit, Kari 1904-73 g 1930 m Martin Hagen i Brumunddal, Oline 1906 g 1938 m Elvin Monsen i Veldre, driv Killdal pensjonat der, Ola 1908 g 1935 m Kari E. Torset, bonde i søre Skølt og på Torset, Lars 1911 g 1936 m Margit O. Kyrkjebøen, driv som smed og har hus og verkstad der nord, Engebret 1913-65 g m Birgit Torset, styrar for Hemsedal Mølle dei siste åra ho var i drift, sedan disponert for Hemsedal Andelssag, bygde seg hus ved Ullsåk, Kristian 1915-72 g m Inga Båste, bygningssnikker og seinare damvaktar, bygde seg eige hus ved Kyrkjebøn. - Lars selde eit stykke av Trefta til skipsreiar Grieg og skipsmeklar Christie fra Bergen, som bygde seg sommarhus der, dei fyrste på den sida av Storevatnet. Eigedomen kom sidan i skipsreiar Otto Grieg Tidemands eige (hans mor g m direktør Tidemand ved Frydenlunds Bryggeri, var f Grieg). Per overtok garden 1926 og vart sama året g m Liv Ålstveit f 1899. Per har vore ein del med i heradsstyret. Bygde ny uthusbygning 1928 og nytt bustadhus 1941.

Den gamle stugo selde han til arkitekt Torp i søre Eikre. Det var tømmeret til denne stugo som han Vebjørn Vebjørnshuso (bygselbruk under Løkji) lunna på *ein* dag, men då drog han sjøl med seg ein stokk for kvar vende hesten gjorde. Tømmeret var grovt og tungt. Per har dyrka upp og reinska for steinrøyser mykje av heimeeigedomen og ein god del på stølen. Selde ein del av slåttene i Markegardslío (Storestølen) til hyttetomter, der doktor i. Stoltenberg frå Oslo og hans huslyd bygde, likeeins ei hyttetomt på Treftun. Borna til Per og Liv: Anna 1926 g 1948 m Arne O. Finset (sjå Finstad 68-14), Lars 1929, Birgit Solveig 1935 g 1957 m Ola O. Storla i Gol f 1934 (born: *Svein* 1957, *Guro* 1960, *Liv Pernille* 1970). Lars har no garden, som han overtok i 1964. I det nybygde bustadhuset, som vart ferdig 1975, bur til leige: Harald Cederkvist frå Oslo f 1941, tilsett som turistsjef i Hemsedal. G 1973 m Anne Lise Smeby frå Trøgstad f 1949. Barn: Fritjof Henning 1974.

Jodøkk

Gnr 54, bnr 3, lnr 573 c.

i Jodøkk. Vanleg skrivi: Jodøkk.

Nils Jodøkk hadde høyrte ein tradisjon om at det var ein sogning som budde der fyrst. Det vilde i så fall forklare fyrelekken jo- i namnet, med di Jo er vanleg namneform vestpå. På austlandet: Jon. I eit skifte frå 1742 etter ei Dis Tomasdtr heiter det at ho levde og døydde på bruket Jorddoc ken eller Joeddocken. Det kunne tenkjast at dette var Jodøkk. Men då blir tradisjonen Nils Jodøkk hadde høyrte, meir usikker og må helst reknast for ei forklaringsøgn. Mannen til Dis heitte Henrik Halvorson. Dei var barnlause. Dis hadde tre syskin som fekk arv etter henne: Ivar Tomasson (han var då død, men hadde två born: *Anne* og den umyndige *Sigrid*), Kari og Ambjørg. - I 1743 er det ein Henrik Halvorson som gifter seg med ei Anne Aslesdtr. Det kan vera den ovannemnde som gifta seg andre gongen. Dei fekk ei dotter: Kari 1745. I buet etter Dis var det brrre två kyr, så bruket kan ikkje ha vore stort. Omkring 1800 er det ein Bjørn Ingvarson Langehaug 1769-1825-56 som bur i Jodøkk. Han gifter seg 1799 med Margit Tomasdtr d 1815 kring 38 år gamal. Dei hadde borna: Kari 1801-30-29 g 1829 m Ivar Embrikgarde, Ingvar 1803-93-90 g m enkje Rangdi Bubakka, Knut 1807-84-77 sjukleg. Døydde som legdslem på Viljugrein. Tida fall nok lang for dei som skulde leva på sælebotsbrød, men Knut var hendig med kniven og trøytt tida med åskjera ut småe dåsar og andre ting, som vart tekne vare på. saktmodig og tagal bar han lagnaden sin - Bjørn vart gift att andre gongen med Kirsti Sveinsdtr Eikre 1782-1869-87. Kirsti vart enkje. og gifta seg med Nils Oddmundson Elkrehaga. borna til Bjørn og

Kirsti: Margit 1820-42 gift til Haga, Barbo 1824-51 døydde som tilhaldar i Haga. Då Bjørn døydde, vart Jodøkk seld til Jon Nilsson Huso i Eikre 1800-31-31 g 1824 m Margit Ivarsdr Myte 1803-61-58. Juleeftan 1831 heldt Jon på med å skjera upp kjøt til «maggjerd», som dei skulde ha juledagen. Kniven glei, så Jon stakk seg i læret beint i livåra. Det blødde fælt før dei fekk fesla han, og 3. juledagen døydde han. Born: Nils 1827-1900-73 bonde i Jodøkk, døydde i N. Dakota, Guri 1829, Ivar 1831 bonde i nordre Skølt ei tid, reiste så til Amerika. Margit gifta seg att med Torleiv Torleivson Gølberg frå Gol. Han var ofte kjømeister i likferder. Styrde garden godt: Kari 1831 d ung, Gnri 1833 g m Ola Gølberg i Skølt, Guri 1835 g m Kristian Markegølo, Jon 1841, Ingebjørg 1842-1919-77 g 1881 m Bjørn Høgehaugji, dei budde ei tid i Geiteberg (i Hemsedal hadde dei borna: *Margit* 1879, *Kari* 1881), Kari 1845-1924-79 sinnssjuk, Kari 1851-1924-73 g m Ivar Jordheim i Skølt. Med borna var småe, styrde mora og stykfaren. Men då Nils vart vaksen, overtok han styringa sjøl. g 1852 m Anne Jensdr Hallen 1826-60-34. Margit og Torleiv kjøpte då søre Skølt og reiste dit, men sistpå Torleiv levde, fløtte han til Jodøkk att og døydde der 79 år gamal i 1889. Borna til Nils og Anne: Jon 1854 d, Margit 1856 g m Gudtarm Meiningen i Valdres. Anne døydde i trea barnsengen utan å bli forløyst. - Nils gifta seg att 1862 med Liv Olsdr frå søre nedre Ålrust 1835-1920-85. Borna til Nils og Liv: Anne 1864 rtA, men døydde straks etter, Margit 1866 likeso, Jon 1868 rtA, g m Guri Intelhusbakko, Ola 1871-1966 g 1906 m Anne Reppshus frå Eidskog, Torleiv 1873-1939 g m Magda Henriksdr Trøgaton frå Hol, han sette livet til i ei bilulykke, Oline 1876 g 1902 m samuel Bjørnson Gjerde (sjå 51-11), Gunhild 1879-1972 g 1907 m Ola Amundson (Gjelbåren frå Voss), Sjugurd 1884-1970 g m Kristine Reppshus frå Eidskog, syster til Anne. Ho var komen til Amerika 4 år gamal. Sjugurd, far hennar, var komen frå Brandval og var lekpredikant (d 1917). - Om Nils og Anne blir det fortalt at Anne heldt på og vilde slå uppatt. Nils syntest dette var trøllsleg. I ei samkome vart han sitjande ved sida av ei annan gjente og snakke med henne. Då Anne såg dette, vart ho svartsjuk og fekk kviskra Nils i øyra at det fekk vera som før. Nils furta ikkje, som kan hende andre vilde ha gjort, men heldt fram med venskapen. - «Nils Jodok hadde gode åndsevner. Det var så almindelig tale at han burde været prest. Var human av tenkemåte og hadde slik en god framferd. alle syntes godt om ham, alle vilde snakke ved ham. Kom han inn på en gård, var han alltid velkommen. Han kunde glede sig med de glade, sørge med de sørgende. Mest kjærkommen var han kanskje av de sørgende. Han hadde rønt livets alvor, og det hadde avsatt et godt bunnfall i hans sjel. Han hadde lidt meget ja, derfor kunde han trøste. Kun hvor perlemuslingen blir saret, kan den støpe ekte perler. Det høvde ofte for Nils å kunne hjelpe. I skumringen en vinterkveld med sur snestorm kom han veien søndenfra under nordre Skolt. I snefonnene synded for husene der kom han til å se en svart dott. Det liknet ikke plent på en stein heller. Vilde se. Jo, det var en liten jente, hans brordatter Guri, som kom fra skolen i Ålrust og var blitt sittende i snefonnen aldeles utmattet. Orket ikke engang skrike. Det var aldeles på siste nippet han kom til å frelse et menneskeliv. Han hadde lidt meget, tenkt meget, lest meget og husket meget. Derfor hadde hans tale et lødig innhold. Han hadde lest Bibelen fra perm til perm. Mange andre gude-lige bøker likeså. Og også historiske bøker. De religiøse interesser var de sterkeste, men han var alsidig. Han hadde erkjent sannheten, og sannheten hadde frigjort ham. Nils var skredder. For fra gård til gård med håndverket sitt. Kunde bli sittende langt utover almindelig arbeidstid, sy og snakke. Han snakket sakte, «tøligt». Om gamle dage, om nye tider. Var med i herredstyret og skolekommissjonen m.fl. Sent en lørdagskveld sommeren 1880 kom han fra et møte i skolekommissjonen på Kirkebøen. På en gård i midtbygden skulde det holdes et stort jentelag om natten. Det krydde med gjester og nattegangere efter veien, han så dem bare som svarte dotter i mørket, men hørte hug og skrik, støy og leven av drukne folk. Nils syntes, der han gikk alene, at dette var for meget av det onde. Ved Ullsaker satte han i å synge med høit mål: Hvor kan du dog i synden le, du lystoptente øie? Kan det som føder evig ve, din sjel endnu fornøie? Forsvant det, al din frygt for Gud, al eftertanke om hans bud, om syndens straff og plage? Han sang den alvorlige Salmen til ende mens han gikk sydover. Nattevandrerne kjente røsten og smøg sig unda, så Nils fant veien ryddet efter hvert som han skred fram. Hans hustru var tildels av samme tenkemåte som han, og de to levde et godt samliv med hinannen. Barna tok til Amerika, det ene efter det andre. Sønnen Ola kom hjem en tur i 1900, og foreldrene fulgte med da han reiste igjen. En kan vite det var tungt for den 73-årige mann å forlate alle gode kjenninger, alle kjente steder. Men da alle barna tok ut, følte han sig ensom, ribbet som en av kvistet stamme. Hemsedal hadde fått hans arbeide, det burde også huset hans støv. Han trivdes ikke i Amerika. Skrev heim at han hver dag i tanken gikk til Hemsedals kirke og var innom hver gård efter veien. Sykelig ble han også. Men under misnøiet hjalp det ham hans dype religiøsitet, hans barn. lige tro. Visste at han gjorde et godt bytte ved å få fare herfra. Og solen gikk snart ned for ham. Han lå smertelig syk en ukes tid. I lettere stunder lå han og sang gamle Salmer. Han kom til Amerika om våren, or den 29. november samme år døde han. Hans barn var glade i ham, og syntes det var godt om de bare hadde hans grav hos sig. - Liv døde hos sin datter Gunhild om morgenen 22. mars 1921. På Sjugurds kunes fødselsdag. Det ble telegrafert efter Jon og Torleiv. De ankom til Ray kvelden før, men kunde ikke komme videre, da det var i førefallet. Kom om morgenen, men for sent. «Det er ikke

ventende de kan komme nu, men du får hilse dem med at har de ikke gjort alvor av sin Salighets sak før, får de gjøre det nu,» sa Liv til Gunhild. Gunhild sa: «Du er vel glad nu når du skal få slippe heim og treffe att dine?» (Både Nils og to voksne døtre var døde før.) «A ja, jeg er nok det, men det skal bli gildest å få se Jesus,» svarte Gunhild. Hun ble begravet på Northwood gravlund, N. Dakota, ved siden av sin mann, som var død for 21 år siden.» (HF).

Borna til Nils Jodøkk var evnerike som faren og tok seg godt fram over i Amerika, dei fleste busette i N. Dakota. Ola skreiv av og til i «Hallingen», ogso dikt (sjå Hall. 1948 s. 2 og 12, 1950 s. 25 og 1960 s. 26). I «Barne. og ungdomstanker» heiter det: Nu er jeg gammel og grått mitt hår, min fot har saktna, min sang er sar. Men ungdomsminner meg alltid binder til livets vår. Ved hans 85-års dag var det omtale av han med bilete i «Hallingen» (1955 s.29). Ogso Sjugurd skreiv av og til i «Hallingen»: «Barndomsminner fra Hemsedal» 1942 s. 12 flg., der han m.a. gjev ein karakteristikk av Hans Flaten (dei i Jodøkk gikk sørover til Ålrust på skule den gongen) og «Hverdagslivet i Hallingdal for 50 år siden» (1944 s. 6 flg.).

Ola Jonson Hallbjørshus 1859-1936 g 1901 m Kari Ingvarsdr Båste 1874-1908-34 kjøpte Jodøkk av Nils. Han fløtte husa lenger nord på jordet og arbeidde opp ganske mykje, m.a. ei stor myr nedafor jordet, som dei kalla Skrubbemyre. Bygde nytt stabbur 1901, stølshus 1902-03, stugu 1908 og uthus 1915. Born: Barbo 1902 hadde garden, Jon 1903 lærar, no pensjonert, hadde fyrst post ved framhaldsskulen i Hemsedal, frå 1940 fast tilsett i folkeskulen, fram til 1960 i Løkji krins, deretter ved den nye Ullsåk skule, Ingvar 1905-20. Barbo tok over garden i 1936 og dreiv han med god hjelp av Jon, bror sin. Dyrka opp omlag 15 mål jord, bygde nytt fjøs på stølen 1950 og selde 3 hyttetomter der. Di ho var 59 år gamal miste ho eine auga ved at ei kyr stanga til henne. i 1962 overdrog ho garden til dottera: Kari Sveinsdr f 1935, g 1956 m Nils K. Storeskar i Døkken f 1934, men ho og Jon bur i Jodøkk framleis.

Halle

i Halln. - Bygselsbruk,

ikkje medteke i dei två siste matriklane.

i nyare tid heimstøl til nördre Markegølo.

No nedlagt også som heimstøl.

Der budde Jon Bjørnson Ullsåk 1791-1862-71 g 1822 m Birgit Bjørnsdr Ullsåk eier søre Skølt 1797-1847-50. Birgit var postbod nordover til Grøto og sørover til Sørbøl. Born: Bjørn 1822-83-61 bonde i Tullehuso, Bjørn 1824 g 1848 m Ragnhild Bubakka, rtA 1852, Anne 1826-60-34 g m Nils Jodøkk, Rangdi 1828-1903-75 g m Ola Palhuso, Svein 1831-44-13, Ola 1834 g 1860 m Kari Løglemannhuso, hadde sonen *Ola* 1862 i Hemsedal, rtA, Ola 1838 g 1861 m Kari Olsdr Ålstveit, rtA, hadde borna: *Jon* 1861, *Anne* 1863, *Birgit* 1865.

Båste

Gnr 54, bnr 4, lnr 573 d.

i Båste. Ogso skrivi: Båsthø.

Her budde Knut Olson Skar 1791-184150 g 1824 m Elsa Olsdr d 1845 kring 60 år gama!. Elsa (uvanleg namn i Hemsedal) var av vestlandsk herkomst. Etter det Nils Jodøkk fortalde, var det svært smått med levemåten for desse folka. Nils var inne der eingong han kom frå kyrkja. Knut var aleine inne, og han fortalde at dei hadde ikkje meir mat att enn noko kaldgraut blanda med borkemjøl. Born: Ola 1824 fløtte 1855 til Valdres, Ola 1826 g 1859 m Kari Høltegard frå Gol, dei rtA, Birgit 1828 g 1854 m Halvor Døleplasse på Nes, Nils 1830-60-30 g m Ingerid Vestafør, bygsel bruk under Øndredal. Sea budde Nils Ivarson Myte 1808-72-64 i Båste, g 1839 m Sigrid Eiriksdtr Dølehuso f 1818 (sjå Skøltedøkkji). Etter det Semlen fortalde, kjøpte han Båste for 300 dalar, husa sto då på ein annan stad enn dei gjer no. So kjøpte han ei slåtte som låg like ved og som hørde Langehaug til. Denne slåtta, Båsteslåtta, ga han 100 dalar for, og her vart husa sette opp seinare. Borna til Nils og Sigrid: Ivar 1840-41-1, Liv 1841 g m Eivind Træe i Døkken, Kari 1842 g m Halvor Skaga frå Gol, Ivar 1844 bonde i Toregarde, Skjerpingen o.fl. stader, Kari 1846 g m Helge Fauskemoe, Eirik 1847 skreddar i Telemarken, Sigrid 1849 g m lærar Johannes øverland frå Bø i Telemarken f 1849, som ei tid var lærar i Hemsedal «Hemsedal» s. 116/126), dei rtA 1878, gullbryllup 14-4-1927, budde ved Mekinock i N. Dakota, Ingebjørg 1853 rtA der ho vart g m ein bror til Johannes øverland, Ola 1855 skreddar, rtA og vart g der m Margit O. søre Skølt, Margit 1857 rtA og vart der g m Pål Larsson Palgarde frå Hol, Jon 1858 rtA 1881, Nils 1860. Heile dette syskinlaget drog til Amerika, likeeins mor deira. Pål Palgarde var son til bonde og lekpredikant Lars Dybsjord (Gjivsjordo), som vart g m Gunhild Palgarde i Skurdale og fekk gard med henne. Lars (1805-85) slutta med gardsdrifta 1865 og reiste deretter mykje som lekpredikant, sistpå som bibelbod for Den norske Lutherstiftelse 1872-85 (skreiv seg Lars Paulgaard). Han var ofte i Bemsedal. «Minnes hans oppbyggeser i Løvehaug og

søndre Lien,» skriv HF. «Særlig den i Lien 21. desember 1873. Minnes han og Sjugurd O. Grøto sang Salmen i Guldbergs Salmebok: Hvi vil du sig saa klage. Paalgaard var av disse mennesker som har et så godt folketække at alle synes vel om personen. Hans fremtreden var tiltalende, foredraget saklig og rolig. sangstemmen bløt og fin. Efter samlingen i Lien gikk gamle Anne Lien (d 1888) ut efter dem da de reiste. Synes ennu se henne stå på dørstokken og stirre efter dem. Idet hun kom inn, var stemmen brutt av gråt: «Det æ rart sjå ut ette dei med.» (Det var gamal skikk at ein skuldegil ut på dørhella etter dei som for og beda det siste velleva der.) Den siste gang Paalgaard var i Hemsedal, var vinteren 1878-79. Jeg minnes han holdt samling på Ålrust skolehus. Mens Jon Torset levde, holdt han ofte samling i stuen hans. Gjerne to møter. Og losjerte hos ham. Jeg må si at av tilreisende lesere har Lars Paalgaard og Johannes Mæhlum (d 1895, 68 år gammel) tiltalt mig mest. Mæhlum var fra Land eller Hadeland og reiste for Det norske Misionselskap. Reiste her i bygden bare en gang, så vidt jeg vet. Holdt oppbyggelse på Ålrust skolehus om kvelden 18-11-1892. Her sang han den vakre Salmen i gamle Landstads Salmebok: o Jesus, som har elsket mig. Og når jeg senere har tenkt på den Salmen, må jeg alltid minnes da den ble sunget av Mæhlum. Særlig da han sang det siste verset. Det var en fred over ham og en trygghet som kun den modne, ekte religiøse tro kan gi: Den samme trøste mig i trang, i sygdoms tid mig styrke. Og naar jeg endelig en gang skal ind i dødens mørke, da lad den lyse op min sti og stande ved min side, med mig stride, saa gaar jeg frelst og fri fra hele verdens kvide.» I 1865 selde Nils garden til Ingvar Toreson Rusto 1816-76-60 g 1853 m Anne Trondsdr Snerte 1834-1908-74. Dei kom frå Snikkerhuso i Grøndale til Båste. Ingvar hadde lett for å prate, og i samvær med mange var det han som førde ordet. Var med i bygdestyringa. Var sjukleg dei två siste åra han levde. Vart omtala som ein punktleg mann i all si ferd: Tore 1854-1929 g m Kari Embricksdr Jorde, dei rTA 1882, Birgit 1858-61-3, Trond 1861-1945 bonde i Båste, Birgit 1865-1940 g 1887 m lærar Hans Flaten, Kari 1869 d, Per 1871-1944 bonde i Grohaugji, Kari 1874-1908-34 g m Ola Janson Jodøkk. Trond g 1883 m Ingerid Olsdr Grøto d.e. 1862-1950 overtok Båste 1884. Bygde nye uthus 1916. Hadde lett for prate han som far sin og var med i det kommunale styr og stell. Born: Anne 1884 g 1922 m Andres Knutson Skarshaugo, Anne 1886-1971 g m Svein Gunnvaldgarde i Lykkjun, Ingvar 1887-1970 rTA 1905, g 1914 m Han. nah Magnusson frå Sverige, farmar i N. Dakota (fem born), Ola 1889-1962 bonde i Båste, Svein 1892-1973 rTA, men var heill att fleire gonger, Birgit 1897-1920-23 sjuk av gikt i mange år, Syver 1902-75 utdana som diakon, var med kvalfangarane Som diakon 1927-28, deretter misjonær på Java i 14 år som utsending for Frelsesarllleen. Var m.a. styrar på eit stort sjukehus for spedalske med upp til 900 patientar. Under andre verdskrigen vart Java okkupert av japanarane 1942, og Syver vart sett i ei fangeleir der han var nære på två år. Fangane hadde sikkert svoltet i hel, seier han, dersom dei ikkje hadde kunna livnære seg med ymse slag krypdyr, frosk, sniglar o.a. som det var nok av. Når dei vart reinska og steikte, glei det ned, folk var svoltne nok til det. Syver kom heim att i 1946 og stelte mor si så lenge ho levde. Gjorde deretter tenest på Hotell Viking i Oslo eit par år og vart så tilsett som styrar for Bygdaheimen i Hemsedal, som han styrde med stor dug. leik til han slutta ved oppnådd aldersgrense i 1972. Han busette seg so i Drammen. Hemsedal er Syver stor takk skuldig. Han sytte for dei gamle på ein sers oppofrande måte både til kropp og sjel. Ola overtok garden, g 1917 m Ragnhild Torleivsdr Grøv 1890-1975. Han dyrka upp omlag 20 mål på slåtta ved Heimsil og heime på garden. Ein flink og dugande bonde dei åra han fekk vera frisk og før. Men dei siste 20 åra han levde, var han arbeidsufør, dei tre siste åra heilt vanfør av gikt. Born: Trond 1911 gikk landbruksskule og overtok garden, Inga Solveig 1919 g 1945 m Kristian i. Markegård. Dei fekk tomt og hytte på dei gamle Båstestøle i Markegardslie, som no vart kalla Inga-stølen, hin heiter Veslestølen, og bua der var den gamle stugo etter Tore S. Grøto, som før sto ved Jorde (Engjo). Trond overtok garden 1945. Han vart ute for ei ulykke med di han kom bort i ei hakkelsmaskine og miste tre fingrar (1954), men sytte ikkje for det. Har dyrka upp mange mål i slåtta si og heime på garden. Av morbror sin, Tore Grøv, kjøpte han 1949 ein skogteig nær slåtta. I 1969 fløtte han den gamle stugo sørover synst på jordet, nær det gamle vegnaskjelet dei kalla Velta (der vegen til Ålrust og Lykkja skilde lag). Ogso Inga fekk seg hytte der i nærleiken (ovafor vegen).

Langehaug

Haugagardane låg tun ved tun oppunder ein langtøygd grusas, og namnet vart av den grunn skrivi Langehaug. Venteleg er dei utskilde frå Markegøla i gamal tid og har stundom vore eitt og stundom , två gardsbruk. Etter utskiftning etter hundreårsskiftet fløtte søre Langehaug hus og tun lenger søn og ned (1907). I grenden så me aldri anna enn «ni Haugji», med di Haugagardane låg lågare til enn dei andre i grenden. Fyrste gongen *Langehaug* er nemnd i kyrkjebøkene, er i 1753, då vart Pål Bjørnson Langehaug g m Guri Knutsdr Sjøheim. Ein Bjørn Langehaug som døydde 91 år gamal i 1768 var

truleg far til Pål. Pål og Guri hadde: Jørønd 1754, Guro 1755 d ung, Bjørn 1756, Guro 1758, Sunnev 1760 g m Kristian Vestby, ukjend heimstad, Guri 1762, Knut 1764, Ola 1768. Ein Bjørn Pålson er nemnd ca 1722 og 1730. Han fekk sønene: Pål 1722 bonde i Langehaug (ovannemnde), Vilhjelm 1724-98-74 bonde i det andre Langehaugbruket, Knut 1830-85-55 bonde på Jordheim g m Kari Knutsdtr, barnlause, Ingvar 1732 g m Kari Toresdtr. kor Bjørn budde er ikkje nemnt, men det måtte vel helst vera i Langehaug. Vilhjelm vart g m Marte, dotter til sersjant Henrik Hejer og kone Margrete som ei tid budde på Kyrkjebøn (uttabygds folk). Borna til Vilhjelm og Marte: Bjørn 1754 d ung, Margrete 1755 g m Ola Moen, Romerike, Guri 1759 g 1786 m laggar Peter ,Fredriksvern, Bjørn 1762 bonde på Hjelme, Henrik 1763 d før 1798, Ragnhild 1767 g 1793 m Henrik Knutson Grøv, Eiliv 1770, var i 1798 ved kongens garde i København, Margit 1773-1848-75 g 1795 m Gudtarm Hansson Jordheim, Anne 1777 uppeheldt seg i Hemsedal 1798. I skiftet etter Vilhjelm og Marte fall det 25 dalar på kvart av borna. Ovannemnde Ingvar Bjørnson g 1767 m Kari Toresdtr budde og i Langehaug ei tid. I 1769 blir han kalla Ingvar Skølt, seinare att Ingvar Langehaug og Ingvar Jodøkk. Born: Guri 1767-1860-93 vart i 1798 g m Embrik Veslejerne, Bjørn 1769-1825-56 bonde i Jodøkk, Knut 1771-1865-94 bonde på Grøto, Pål 1775-1836-61 bonde i Pålhuso (og bruket har kan hende namn etter han). Så kom det ein huslyd som fyrst hadde vore på Løkji og så på Ålstveit før dei kom åt Langehaug, Ola Torleivson Løkji 1738-1809-71 g 1773 m Turid Olsdtr Markegøla eller Intelhus 1753-1832-79: Kari 1773-1854-81 g 1796 m Lars Torson Grøto, Torleiv 1775, Torleiv 1778, Margit 1781, Margit 1783, Torleiv 1787 g 1812 m Anne Hulbak, Ingerid 1789, Ragnhild 1794, Ragnhild 1799. - Om Turid blir det fortalt at då kyrne hennar ein vår sto og rautte fordi dei fekk for lite mat, spende ho til den eine og sa: «Du får koma i hug at du ha fått det før!» Turid var aldri redd av seg og skrytte av det. Så var det ei gong dei vilde setja henne på prøve. Dei visste om at ho ein mørk haustkveld skulde gå upp igjenom skogen frå Langehaug til Markegølo. Dei sette strenger av hestetagl på ei gamal fele, og så sto dei på lur og gnog på denne fela. Turid kom traskande. Ho skjønnte kva det var, klappa seg bak og sa: «So mykje vätter e taglefela dikka!» (Semlen fortalde dette.)

Nørdre Langehaug

Gnr 54, bnr 7, lnr 574 a. i nørdre Haugji.

Her kom Per Olson Markegøla 1789-1823-34 g 1813 m Birgit Olsdtr Eikre f 1795. Dei hadde: Ola 1815, Ola 1819-1906-87 bonde i Langehaug, Kirsti 1824 g 1850 m Ola Knutson Skølt, dei rtA 1852. Då Per fall frå, vart Birgit g att 1824 m Per Knutson Intelhus, syskinbarnet til fyrste mannen hennar, f 1798. Dei hadde borna: Per 1826, Knut 1829, Jon 1832, Anne 1836. - Då Ola eldste sonen vaks til, reiste Per og Birgit til Skrukkeli, ei skogbygd som fyrst høyrde Gran til og sea Hurdal. Her kjøpte dei garden Bjørtomt. Ola Person fekk garden og vart g 1841 m Olaug Grøto 1820-1912-92. Dei hadde borna: Per 1842-1922-80 bonde i Langehaug, Birgit 1844-46-2, Odd 1845-1930 bonde på Flato, Ola 1848-1930 smed, g 1871 m Kari Jøtun og budde der ei tid (Jøtesmen), dei kalla) rtA 1883, g andre gongen m Ingerid Groset, Per 1851-1923-72 g 1881 m Anne Embriksdtr Jorde, rtA, Birgit 1853 rtA (son: Ola Akselson), Tore 1855 g 1885 m Margit Halvorsdtr øvre Ullsåk, rtA, Margit 1857 rtA, Ragnhild 1860 rtA, g m Ola Larsson Skrattegard frå Ål, Oddmunn 1862-1927 rtA og vart prest der, g m Ingeborg Margrethe Walhus, Ola 1864 d. - Tore og Margit fall burt fyre 1919. Sonen Albert fall i krigen i Frankrike 1918. Per d.e. fekk garden, g 1872 m Guro Eiriksdtr Hulbak f 1838: Olaug 1873-1966 rtA, vart g der m Mekkel B. Løkji, Kari 1875 g m Knut H. Ullsåk, Ola 1876-1952 bonde i Langehaug, Birgit 1878-1957 g 1922 m Peder Jonsen i Skrukkeli, Margit 1881-1957 g m Jon Flato. Margit og Jon budde i Langehaug til Jon døydde 1913 (sjå Flato). Margit vart g att m Torleiv T. Hødn (sjå der). Ola overtok garden, g 1916 m Liv Myte 1889-1975. Bygde ny stugu 1932 og nye uthus 1948, hytte på stølen 1930 og heime på garden 1943. Han arbeidde mykje med jorda, minerte og køyrde burt steinar så store som små hus. Det var i det heile mykje grovsteinut mark på garden, men alt vart oppdyrka etterkvart. Her fekk han god hjelp av Per, eldste sonen. Borna til Ola og Liv: Per 1917 har garden, Knut 1920 byggmeister i Oslo, g 1950 m Margit S. Kyrkjebøen, dei har eige hus på Ekeberg ved Oslo og hytte ved Langehaugstølane (born: Ottar 1951, Liv 1957, Terje 1964), Guro 1921 heime, Thomas 1925 bygde seg hus ovafor uppe ved den gamle bygdavegen (sjå Åsly), Tora 1928-31.

Per overtok garden 1949, g 1955 m Maria Knutsdtr Tuv. Bygde ny bu på stølen 1960, nytt bustadhus 1965. Har dyrka upp ein god del jord heime og på stølen. Born: Ola 1956, Knut 1957, Liv Astrid 1960.

Søre Langehaug

Gnr 54, bnr 8, lnr 574 b. I søre Haugji.

Her budde Andres Person Vøllo 1803-44-41 g 1838 m Ambjørg Olsdtr Finnset 1809-54-45: Per 1838-96-58 skulemeister på Øygardo i Gol, g m Margit Tryhus, d 1923, dotter til Andres Finnset og Sigrid Jegersdtr Kyrkjebøn, som budde på Tryhus i. Gol, Ola 1841, Andres 1844 rtA 1874. Då Andres

Langehaug døydde, gifta Ambjørg seg att 1848 med handelskar og skulemeister hadde vore Steingrim Olson Torset 1797-1874-77. Dei var barnlause. Steingrim var fehandlar i lang tid. Eingong han drog utover med fedrift, venteleg i lag med Jon, bror sin, kom presten Gottwald køyrande etter og køyrde i full fart gjennom drefta. Steingrim vart harm, sprang framover og spretta seg over krøtera for å nå att presten og gje han ei skrape for den uvørne køyringa. Gottwald fekk mulkt for dette, vart det sagt. Steingrim var lik Jon: Smalåten i framferd, men sterk og fast når noko røynde på. Han møtte eingong den unge seminaristen Odd Grønskogji som vilde lære han å helse slik han sjøl hadde lært det på seminaret: «Du ska lyfte på luva når du helsa,» sa han. «Jammen va det bra du sa me detta,» svara Steingrim. «E ska hugse på det ei an gøng.» Steingrim kom eingong innom hjå Gunhild Torset, kona til bror hans, med ei svart kyr som ho skulde mjølke for han. Ho hadde nettupp fått tak i den fyrste kaffin, og so ga ho Steingrim nokre umalne kaffibauner i eine handa og ei vassause i den andre og bad han smake. «Nei men, bruke de kaffin slik, de då,» sa han Steingrim. «Me koke lite på han me.» Dei siste åra heldt han til på Hallbjørshus. Ein dag fann dei han død burte på ein åker der han skulde hippe potet.

Då Ambjørg var død, kjøpte Kristen Olson Finnset 1820-1909-89 Langehaug. G 1858 m Barbo Larsdtr Kyrkjebøn 1834-1915-81. Kristen var hjulmakar. Då han var 53 år gamal måtte han få eine foten amputert, som det hadde sett seg verk i. Han gikk sea med trefot: Ola 1859-87-28 døydde i Christiania på heimveg frå Boltzius, Anne 1858-1939 sjukleg, Lars 1863 d, Ambjørg 1864-90-24 døydde av hjartefeil, Lars 1867-1944 rtA og vart prest der, g 1896 m Ellen Lovina Anderson (dei hadde 11 born, men mange døydde i ung alder), Ola 1869-1958 bonde i Langehaug, Knut 1875-1954, skreddar i Ål, g m Turid sagaslåttun 1881-1962 (born: *Kristen* 1909, *Torstein* 1911, *Olav* 1913, *Barbo* 1915, *Håkon* 1917), Torleiv 1878-1961, ugift, hadde eige hus i Langehaug og budde der. Dreiv hønseri i mange år. Ola d.y. fekk garden, g 1896 m Margit Sveinsdtr Ålrust 1876-1957. Etter utskiftningen i Langehaug, laut Ola fløta ut og lenger sør med sine hus. Born: Barbo 1896-1971, ugift, dreiv mykje med stricking, budde i Strømmen i mange år, dei siste åra på Hemsedal Bygdaheim, Kristen 1899 reiste til Canada og var farmar ei tid, g m lærarinne Sheila Burnett, heimatt ein tur 1954 og 1969 Born: *Chris Oliver*. *Lynda Margaret*, *Barbara Anne*, *Carol*. Svein 1901 lærar i Gol (Grønlio, Åsgardane, skulestyrar i Herad og so ved Gol skule), eige hus i Gol og hytte på Langehaugstøle, g 1936 m Arnbjørg Sato frå Tørpo (born: *Olav Håkon* 1938, *Magne Dagfinn* 1941, *Dagfrid Margit* 1942, *Sigurd* 1945 bonde i Langehaug), Svein fekk Kongens fortienstmedalje 1969, Sigrid 1903 g 1928 m Knut O. Jordheim, som har kjøthandel i Lillestrøm, eige hus der og hytte på Langehaugstøle. Born: *Ole Oddvar* 1929, *Birger Magne* 1932 g 1960 m Maj-Britt Børke f 1941 (born: Heidi, Lars Tomas), *Odd Knut* 1936 g 1959 m Karin Helene Olsen f 1939 (born: Sylvi Helen, Nancy Oddveig, Sidsel), *Berit Marie* 1939 g 1960 m Nils Omsted f 1933 (born: Tine, Anders), Olav 1906 g 1946 m Aslaug Iversen frå Vikersund, reiste til Canada og vart bygningshandverkar der. Born: *Vidar* 1947.-

Birgit 1908 g 1939 m Harald Damhaug frå Strømmen, f 1905, jarnvegsfullmektig i Lillestrøm. Born: Odd Harald 1946 g m Jorun Fryklind (born: Mats, Stine). *Ole Ashjørn* 1946g 1968 m Synnøve Forberg, Lillestrøm (born: John Arne, Lars). Ola 1911 fekk garden, Lars 1913 g 1945 m Else Linnes frå Strømmen, f 1924, driv kjøthandel i Strømmen og har eige hus der. Anne 1916 heimeverande. - Ole Oddvar, eldste barnet til Sigrid og Knut Jordheim, fekk eit knivstikk i auga og miste synet 4 år gamal, men øvde seg upp og vart uvanleg flink til å ta seg fram på eigen hand. Leidde i mange år ein gard i Nitedal, hadde 18 kyr og ein del ungfø, men sto sjøl for drifta. Gjekk heilt aleine den trafikerte vegen frå Nitedal til heimen sin i Lillestrøm. Seinare gikk han blindeskulen og utdana seg til fysioterapeut, fekk seg kontor i Oslo og steller med stor dukleik patientane sine. Slik kan ein ta seg fram endå om ein er funksjonshemma. Ola overtok garden 1940. Ny uthus bygning 1953. Två hytter til utleige på stølen. Både han og far hans arbeidde mykje på jorda so det no er ein lettdrivin gard.

Myte

Gnr 54, bnr 6, lnr 573 f.

I Myte. Skrivemåte: Myte eller Mythe. Til skilnad frå nørdre Myte (Huso) ogso kalla søre Myte.

Garden var fyrst nede der «Lina» (riksvegen) no går. Men so nær ved elva var det for frostnæmt, og bustaden vart fløtt lenger upp, der han no ligg.

Fyrste brukaren som er nemnd, var Ivar Nilsson Myte 1771-1864-93 g 1798 m Kari Olsdtr 1775-1860-85. And. Mehlum veit å fortelja at Kari var frå Sjøheim i Nordbygden. I kyrkjebøkene står det at foreldra til Kari var Ola Halvorson Hustad og Margit Eivindsdtr og at dei budde lengste tida i Lien og sea i Venåse, nær Sjøheim. Mehlum seier vidare at ein skreddar Nils Nilsson frå Sveri, ein plass under Børtnes på Nes, kom til Hemsedal og dreiv handverket sitt der. Og det var Ivar, son hans, som bygsla Myte. - Ivar fekk ein stor ly. I gjestebod fylte hans folk ein heil benk, sa folk: Ingebjørg 1798-1841-43 g 1831 m Torleiv søre Hødn, Ola 1800 g 1830 m Birgit Veslestøle, dei budde på Grøteteigji og sea i Brennhøvd, Margit 1803-61-58 g m Ivar Jodøkk og sea med Torleiv Skølt, Nils 1808-72-63 bonde i

Båste, Toregarde og Døkken, Barbo 1811-74 g m Sjugurd Knutson Myte og budde der, Harbo 1814 g m Embrik Torleivson Hensrud, Ivar 1817 g 1844 m Kari Torleivsdtr Hensrud, budde på Snikkerhaugji, Kari 1820-41-21. Sonen Ola hadde Myte ei stund. Kom seinare åt Grøteteigji og so til Brennhøvd .i Gol. Ola øvde seg i å rime (det same blir fortalt om Andres Mørk). Dei hermer etter han: «Dei kara or elden te si gryte, det sama gjorde e då e va i Myte.» Då Ivar, bror hans, heldt bryllup 24. april 1844, spela Knut Ton frå Nes «Toningen») for fyrste gong i Hemsedal. Han vart rekna for å vera den flinkaste spelemannen i si tid. Sjå «Hemsedal» s. 186/197. Borna til Ola og Birgit: Kari 1831-65-34 g m Knut Grøteteigji, Kari 1834 g m Torstein Gølberg i Gol, Ivar 1837 bonde i Brennhøvd i Gol, Jon bonde på Hefte i Gol, g m Anne Sagabrøta, Margit g m sander Rudningji i Tørpo. - Ivar vart g 1869 m Birgit Jørgensdtr Brekko i Gol. Barbo, syster til Ola, g 1834 m Sjugurd Knutson frå Brennhøvd kjøpte so Myte. Sispå vart Sjugurd «tullut» (sinnssjuk). Ei natt drog han ut frå låven til Per Grøv og tulla seg so kav burt at han ikkje fanst att. Han og Barbo hadde sonen Knut 1938 g 1857 m Birgit Olsdtr Grohaugji på Jordheim. Dei hadde Myte til dei rtA 1888. Borna deira var: Barbo 1859 (med son: *Knut* Benjaminsen 1881), Ragnhild 1860, Kari 1862, Margit 1863, Sunnev 1866, Oline 1867, Birgit 1869 d, Birgit 1871-74-3, Ivar 1873.

Dei selde Myte til Knut Olson Ullsåk 1859-1941 g 1888 m Toræ Tomasdtr Trondsgard frå Gol 1865-1942. Knut bygde ny stølsbu 1897 og ny stugu 1910. Born: Liv 1889-1975 g 1916 m Ola P. Langehaug, Ola 1891-1970 hadde garden, Tomas 1895-1964 (sjå: Aspelund 54-25), Halvor 1907 postberar, g 1931 m Margit A. Sjøstad (sjå: Nordhagen, Grøto 63-19). Ola fekk garden. G 1929 m Birgit S. Grøv 1890-1971. Bygde ny stugu 1921, uthus 1924, hytte på stølen 1932. Dyrka upp omlag 10 mål steinfull mark på garden og 12 mål på ei slåtte ved Heimsil. Kjøpte 4 mål myr av Ola P. Langehaug, dette låg like ved Myteeigedomen. Likeso kjøpte han två mindre skogteigar av Ola H. Pålhus og Halvor Engjo i Bergastøllin. I sine yngre år dreiv han mykje med skogsarbeid. Ein del med i det kommunale styr og stell. Born: Knut 1931, snickerskule, landbruksskule. Knut g 1954 m Borghild H. Spildrejordet frå Gol, f 1934, overtok gardsdrifta 1952. Bygde stort bustadhus 1954, driftsbygning 1963. Har dyrka upp ein god del til i slåttun. Har dessutan ved sida av gardsdrifta vore inspektør for Hallingdal Brandkasser. Born: Odd 1956, Gunn Berit 1960. Odd overtok garden 1973.

Aspelund

Gnr 54, bnr 25.

Noverande eigar bruker sitt eige ættenamn: Mythe.

I utkanten av søre Markegards-eigedomen, ovafor nørde Langehaug, kjøpte Tomas Knutson Myte 1895-1964 i 1942 omlag 15 mål grunn av Knut K. Markegård for kr. 1500. Det var mykje osp der, difor vart dette bureisingsbruket kalla Aspelund. Tomas bygde uthus 1945 og bustadhus 1949. Han hadde før kjøpt Myreslåtta i Markegardslio av Andres Intelhus 1926 og Mytemyre ned ved «Lina» 1942 av Ola, bror sin. Tomas hadde drive som skreddar i åra 1915-25 rundt omkring i heimane, slik som skikken mykje var i eldre tid, var truleg den siste skreddaren i Hemsedal som arbeidde på den måten. G 1925 m Margit E. Snerte f 1899. sama året kjøpte dei garden Kulberg i Lier og fløtte dit. Men samlivet vara ikkje lenge. Margit døydde alt i 1933 og vart gravlagd i Hemsedal. Tomas selde då garden og fløtte til heimbygda att. Han dreiv so med ymist arbeid til han fekk seg bureisings bruk og dyrka upp det. Borna til Tomas og Margit: Tora Kristine 1926 g 1959 m Trond K. Svang i Gol (born: *Kjell Thomas* 1960, *Anne Marie* 1964, *Solveig* 1966), Knut Engebret 1928, driv lastebiltransport frå Hallingdal til Oslo og Drammen. Knut overtok Aspelund etter far sin, g 1954 m Kirsten Marie Aas f Skjersaker, frå Oslo. Ho kom som lærarinne til Hemsedal 1951 og har arbeidd i Trøym, Ålrust og Lykkja krinsar og etter samanslåinga på Ullsåk skule. Barn frå fyrste ekteskapet Trond Hermod 1950 har gått Hallingdal yrkesskule og Lien handverksskule. Knut og Kirsten har dotter: Ella Marie 1955, har gått handels- og kontorlina ved Hallingdal yrkesskule, g 1974 m Bjørn Hauge, Nittedal. Trond Hermod g 1973 m Anne Eli Onstad frå Aurland f 1955: Tore Hermod 1973 d, Kjartan 1974. Dei bur på «Heimtun» (62-36) ved Ullsåk.

Aasly

Gnr 54, bnr 30 og 31.

Her rydda og bygde Thomas O. Langebaug, nørde, f 1925. Av Per, bror sin, og Knut K. Markegård kjøpte han tilsamen noko over två mål grunn (skøyte av 1953). Bygde seg eit stort verksted 1951, der han dreiv trevarefabrikk i omlag 7 år. Stort bustadhus 1953. I den store, lange haugen som gardane har namn etter, var det mykje sand. Thomas kjøpte omlag 18 mål av sandtaket og sette i gang støypping av byggjeblokkar, som han fekk avsetnad på rundt omkring i Hallingdal. Likeeins selde han mykje støyppesand. I 1960 kjøpte han anleggsmaskiner av ymse slag og har sea drivi med vegbygging, utgravings- og planeringsarbeid osv. både i og utanfor bygda, dertil vegbrøyting om vinteren (vegen

om Lykkja til Nøsen). G 1953 m Rangdi Andresdtr Trøym f 1926. Born: Ole Anders 1954, Egil Terje 1958.

Lisletun

Gnr 54, bnr 35.

Syver K. Rundtop f 1912 kjøpte og fekk skøyte på 6 mål grunn av Knut K. Markegård 1960 og bygde seg bustad her sama året. Eigedomen som ligg i utkanten av Markegårds innmark mot aust ved hovudvegen, kalla han Lisletun etter skoglio og den gamle slåtta ovafor, som vart kalla Lislelie. Syver var veg- og grunnarbeidar hjå Thomas Langehaug i fleire år, men vart so tilsett som sagarbeidar på Hemsedals Andelssag, der han arbeidde til han i 1975 laut slutte av helseomsyn. Hans syster Kari f 1904 bur saman med han og steller huset. Ho hadde før stelt huset for sine foreldre so lenge dei levde, og var so i mange år hjå farsyster si, Anne Bjørnødegård, g m gardbrukar Olav Bjørnødegård i Etnedalen og hjelpte til der. Då dei fall frå, reiste Kari heim att til Hemsedal.

Andre huslydar i Markegardsgrenden:

Embrik Olson Markegølo g m Margit Andresdtr Grøv 1751. Jakob Torleivson Markegardseigo g m Ingerid Ivarsdtr 1802, son: Ivar bonde i Mørken, rtA 1869. Ola Person og Margit Olsdtr Markegardsplass med dotter Guri 1816. Knut Olson og Barbo Knutsdtr med sonen Per 1833. Det er ukjent kor Markegardseigo og Markegardsplassen låg. Ein kunne tenkje på Lislelie og Nasabøle, men det er berre ei gissing (OR).

Andre som døydde i Markegardsgrenden: Guri Knutsdtr Markegølo 1765. Ragnhild Markegølo d 59 år gamal i 1766. Ingerid O. Markegølo brend ihel 1776, tre år gamal. Henrik Olson Markegardseigo d 91 år gamal 1717. Legdslem Birgit i. Markegølo d 1818, 63 år gamal. Barbo Toresdtr Båste d 1843, 70 år gamal. Fattiglem Ola S. Markegølo d 1854, 87 år gamal. - Kven desse var i ætt med, er ukjent.

Ålstveit

Gnr 55, bnr 1, lnr 575 a.

På ålstveit.

Skriveform: Aalstvedt eller Ålstveit.

Den gamle Ålstveit-garden låg ovafor den gamle køyrevegen på ein rand eller ål. Då garden vart delt kring 1856, tok dei til å tala om øvre og nedre ålstveit. Det kunne tyde på at den utskilde gardparten stort sett hadde eiga si lenger nede enn det som då skulde høyre øvre ålstveit til. Om husa opphavleg låg nær kvarandre ovafor og nedafor køyrevegen, er det uråd veta noko visst om. Den nyuppygde nye garden fekk i alle fall hus og tun lagt noko lenger sør. I skattematrikkelen av 1647 er Jffuer (Ivar) Aalstueed oppført som eigar. Noko seinare har me Knut Torleivson g 1701 m Eggjerd Tomasdtr. Dei hadde: Torleiv 1702 bonde på Ålstveit, Helge 1704 d før 1725. Knut døydde i 1709 kring 36 år gamal. Eggjerd gifta seg då uppatt med Per Gunnvaldson Grøv i 1710. Dei fekk två born: Knut 1710, Olaug 1713. Eggjerd døydde i 1725 kring 61 år gamal. Per gifta seg uppatt med ei Anne Knutsdtr (enten frå Jordheim f 1700 eller Skar f 1704). Det ser nærmast ut til at dei kom til å bu i Grøv. Born: Gunnvald 1728, budde kan hende på Øndredal og Hustad, Tore 1730, Henrik 1732, Dis 1735, Knut 1741. So var det Torleiv Knutson 1702-66 g m Birgit Jonsdtr Hallbjørshus d 1775 kring 82 år gamal, som tok styringa på Ålstveit. Dei hadde: Eggjerd f i Boyesentida, g m Mekkel Nilsson Ålstveit, Knut 1725 bonde på Ålstveit, Jou 1734-57-23, Kari 1737, Lars 1739 bonde i Rundtupp, Ingvar 1742 bonde i Grøv, Nils 1745. Sonen Knut 1725-96-71 g 1764 m Kari Torleivsdtr Løkji 1741-1814-73 overtok garden: Birgit 1765 d før 1797, Kari domm (døvtum), Torleiv 1768-73-5, Torleiv 1770-1814-44 domm, Margit 1772-1820-48 domm, Torleiv 1775-80-4, Jon 1778-85-7, Ingerid 1783-1871-88 budde på Ålstveit og på Veslestøle i Lykkjun. Ingerid fekk garden, g 1804 m Halvor Nilsson Vipe 1775-1840-65. Han var svær til å drikke. Det vart fortalt at han ein juledags morgon sæla hesten sin og drog på Nørelie etter for. Han «rørde ifylln» og hadde ikkje greie på kva han gjorde. Uppe i Strupa (Strupen er eit dalsøkk før ein kjem upp på myrane, vintervegen gikk der før) møtte han ein kar som nok var av haugafolket. Dei drogst, og Halvor vann. Men haugakaren hemna seg på den måten at borna til Halvor vart noko sere og ikkje vilde ha omgang med andre folk. Ingerid på sin kant var romhendt og øydslen. Ho sat på stølen om sommaren med 12 kyr, men fekk ikkje so mykje smør at det rokk til jul, vart det sagt. Då det kom nye folk på garden, fann dei kladdar med hyvaksen rummegeaut i stølsbua. Mekkel Rundtupp hadde sagt om henne at ho åt upp rummen, so ho ikkje hadde noko å

kinne, og ei skravle hadde bore dette til henne. Ein dag Mekkel sto og slo, tok ho standkinna Ut på vollen og tok til å kinne so det dura. Mekkel ropte: «Det æ skarve mark, nå're dura slik i kinnun!» Dei trudde at det berre var vatn i kinna. - Styr og stell gjorde at det gikk nedover med dei økonomisk. Jon Torset lånte dei pengar mot pant i garden, og til slutt laut han ta garden sjøl. Då vart Ingerid illherveleg sinna. Jon hadde ein krokfinger. «Når du no kjem åt helvete,» Sa Ingerid, «so krafsa du den nøk uppatt med dessa krokute fingji!» - Ingerid og Halvor laut gje frå seg Ålstveit og busette seg so på Vesle støle. (Sjå der.) Ola Sveinson og Sunnev Gunnvaldsdtr Storejorde (sjå der), som åtte Veslestølen, bytte no til seg Ålstveit. Enkja etter StoreGunnvald, Ingebjørg, som var ifrå Grøv og hadde butt det meste av si tid i Gunnvaldgarde, følgde med dei, og ho døydde på Ålstveit. I 1861 reiste huslyden til Amerika. Birgit, dotter til Ola og Sunnev, g 1861 m Andres Knutson Grøv 1823-79-56, vart att og fekk halvparten av Ålstveit. Den andre halvparten vart kjøpt av Bjørn Grøndale. Borna til Andres og Birgit: Sigrid 1861 rta 1882 g m Ivar Turrhaug fråVøllø, Knut 1863, Sunnev 1865, Margit 1867-74-7, Ola 1869, Ingebjørg 1872, Embrik 1874, Svein 1876 d, Svein 1877, Anne 1880. Birgit og borna rta i 1883. Dottera Sigrid var reist året før. Garden vart då seld til Halvor Sjugurdson Grøto på Ullsåk 1832-1906-74. Han hadde fyrst vore skulelærer i Herad, Gol. Med han var her, fekk han høyre at Svein, bror hans, brått var død, berre 24 år gamal. Dette vart ei mektig påminning for han, og han vart lesar og lekpredikant. I 1866 gifta han seg med enkje Liv Knutsdtr Imre på Ullsåk 1834-98-64 og overtok denne garden (sjå Ullsåk 62-10). Dei var her til dei kjøpte Ålstveit i 1882. Halvor Ålstveit - eller Ulsager som han helst skreiv seg - vart ein leiar for den kristelege verksemda i bygda, heldt jamleg «samlingar» (oppbyggingsmøte) rundt omkring i krinsane og reiste ogso på forkynnarferder i dei andre hallingdalsbygdene og i Valdres når han hadde tid og høve til det. Han far (Knut Rundtop) sag upp til Halvor som ein åndeleg far og var ofte med han på samlingane både i Hemsedal og andre stader. Som eit sersyn fortalde far at ei påskehelg dei var over til Valdres, kunna dei køyre på *skaren* over Valdresasen (OR). «Halvor var en oplyst mann og av en sjelden fast karakter. Han blev snart en autoritet i bygden i religiøse spørsmål. Hans religiøse foredrag var fint formet og fremført på en tiltalende måte. Hans sangstemme var kraftig og vakker (men ikkje so «yndig») som Lars Pålwards, vart det sagt). Når Halvor holdt «samling» hos Sjugurd Bakko eller i søndre Lien, var det for mig som smågut som å reise til fest når jeg fikk følge dit. Jeg noterte i min vesle dagbok hver samling jeg overvar. Som: i Bakko 26de desember 1868, 9de oktober 1870, 10de mars 1871. I søndre Lien 30te januar 1870, 26de mai 1872, Tuv 10de april 1871 osv. Siste gang jeg hørte ham, var i Eikre 3die mai 1891. Halvor skrev alle dokumenter for folk på lang lei. Innehadde omtrent alle kommunale hverv: Forlikelseskommisær, medlem av herredstyret, skolestyret, i lang tid formann i fattigstyret, valgmann, prestens medhjelper i 30 år fra 1886 til sin død. Siste gang han var i kirken, var den 25de mars 1906. Han led av et hjerteonde, som endte hans liv 6te juni 1906. Den 13de juni ble han begravet. Kisten førtes inn i kirken, og presten holdt en gripende liktale. Det var første gang denne seremoni ble tatt i bruk. Halvor møtte flere svære prøvelser. Sommeren 1892 fikk han brev fra Amerika at sønnen Svein var blitt slått ihjel av lynet. (Merkeleg nok døydde dei brått både bror hans og son hans i omlag like ung alder, og baa heitte Svein.) Og om morgenen 4de januar 1898 finner han at hans kone lå død ved hans side. - Det er med vemod jeg gjennemgår denne manns livsløp. En kjenning fra de kløkke barndomsdager, en sjelehyrde som bragte også mig trøst og rettleiding i en alvorets stund. Nu har han forlengst overvunnet, nu kan han synge ilag med den store kvite flokk, som han sang så deilig om her på sine samlinger» (HF). Sonen Sjugurd 1868-1953 fekk garden, g 1898 m Birgit Herbrandsdtr Grøto 1876-1952. Han var mykje med i det kommunale livet, og ordførar 1917-19 og 1923-25. I fyrste perioden kom han midt upp i den hardaste rasjonerings- og dyrtida. I andre perioden var det både presteskifte og lensmannsskifte. Prost Einar Høyer slutta og overtok Eidsvoll soknekall 1923, og presten S. B. Holan kom her i 1924, han hadde før vore prest i Steigen. Lensmann O. Døhlie slutta i 1923, han hadde då hatt ombodet like sea 1889, og lensmann Asmund Bitustøl frå Rauland kom i staden. Han var den fyrste lensmannen i Gol og Hemsedal som var av bondeætt. Kom svært godt ut av det med folket og vart svært populær, ikkje minst under okkupasjonstida. Mor hans var syskinbarn til Åsmund Olavsson Vinje. - Sjugurd Ålstveit var stor og sterk, men mykje plaga av gikt sistpå han levde. Den religiøse ættearven slepte ikkje taket, og han vann fram til ei fast og avgjord gudstru. I grenda var han godt likt og respektert for si rettvisse ferd (OR).Borna til Sjugurd og Birgit: Liv 1899 g 1926 m Peder i. Markegård, Birgit 1902 g 1932 m Knut T. Viljugrein, Helga 1908 g 1932 m Mikkel O Hustad, Halvor 1911 heime, Margit 1915 g 1945 m jernbaneformann Hans Gustavsen, Skoger, har eige hus og bur der.

Halvor har garden frå 1947. Då foreldra fall burt, selde borna eit slåtteland, 10 mål stort, Nyhus kalla, som Ålstveit åtte (kjøpt av Sjugurd) utmed elva nord ved Fossheim, til Per E. Langehaug, Fossheim, og Torleiv O. Veslestølen i 1954. Halvor slutta med buskap i 1967, men hadde sauer og hest ei tid og dreiv med skogsarbeid.

Rundtupp

Gnr 55, bnr 13, bnr 576.

I Rundtupp. Skriveform: Rundtop.

Dei fyrst nemnde i kyrkjebøkene er Lars Torleivson 1739-97-58, ein yngre bror av Knut Torleivson på Ålstveit, g 1767 m Anne Olsdr Eikre 1747-1813-66. Dei kom seinare til nørde Grøv (sjå der). Born: Eggjerd 1769-71-2, Øli 1771 g m Herbrand Andresson Torsethaga, Birgit 1774 g 1793 m Nils Nilsson Vipe, Eggjerd 1777 nemnd som tilhaldar på Løkji 1801, Torleiv 1780 d, Kari 1782 (sjå elles Grøv). So er det nemnt eit par Per Olson Grøv f 1755 g 1780 m Birgit Toresdr Rundtupp: Ola 1781, Tore 1782, Ola 1787, Knut 1790. Per er nemnd som takstmann 1784 i skifte etter Einar Olson Åse på Grøto. I 1788 er det nemnd ein Ola Olson g m Jørønd Aslaksdr. Dei reiste frå Rundtupp til Ullsåk (sjå Ullsåk 62-3). Etter dei kom Hans Knutson Torset 1757-1844-87 til Rundtupp. Han vart i 1793 g m Anne Olsdr, enkje etter Mekkel Eivindson Skølt som fall frå 1784 kring 27 år gamal. Anne døydde 1826 i 65-års alderen. Dei hadde: Sigrid 1794 g 1821 m Torstein Olson Vælun i Gautehaugji, Birgit 1797 g m Torleiv Sagabrøta i Gol, Mekkel 1800-82-82 bonde i Rundtupp. - Denne Torsteinen som Sigrid vart g m, var frå Vælun i Valdres. Han for omkring og bad seg då han var skulegut, og på ein av turane sine kom han like til Leveld i Ål. Her vart han verande i 7 år utan at foreldra hans visste kor han var. So kom han heim att seint ein kveld, men dei kjende han ikkje. Han bad om hus, og det fekk han, laut liggje på ein krakk. Om morgonen drog mora kjensel på han. «E trur jammen det æ han Tøstein, san vår.» Sa ho. Ja, hadde dei visst det, så skulde han då ha fått seng, meinte ho. «Å, e ha liggji både bære o verre, e,» svara han Torstein. Han var ein svær kåting og vart kalla Fante-Loe avdi han hadde ferdast på fantestig. Han hadde två brør, og desse laga han eit rim om: «Ein æ halt, o ein æ blind, o ein spring både gard o grind.» Sigrid var ikkje burte ho heller. Det blir fortalt at kunna spørsmålsboka (venteleg Pontoppidans) baklengs og svara like lett om dei tok til å spørja bakanifrå. Ho likte denne spretten frå Valdres, men foreldra var imot giftarmalet. So vart dei samde om å røme. Torstein kom til henne då ho gjætte uppe i åsen, og so la dei i veg utan å jaga krøtera ned att. Dei drog sørover Nørelivegen og vidare sørpå Golingsåsane. Foreldra skjønnte fort korleis det hadde bore til, og Hans fekk folk med seg til å leite. Sigrid og Torstein gøynde seg i eit vierholt og sat og sag på korleis det vart leita etter dei. Dei slapp undå forfølgjarane sine, og gifta seg so. Men dei åtte ikkje tak over hovudet. Dei slo seg til på ein støl, men eigaren jaga dei. Tok so til å bu på ein annan støl. Det gikk sameleis der. På den tredje staden dei prøvde seg, fekk dei endeleg vera. Om sommaren onna dei ymse stader uppå viddene, ogso uloves, og det vart rettssak av det. På eit forhør svara Torstein: «E æ sopass te kar at e høppa upp i peisen o ned att.» Men det snodige var at om våren vart det stor forløyse, og den mannen som hadde jaga dei frå den fyrste stølen, måtte kjøpe størr av Torstein. Torstein hemna seg ved å ta fire dalar skippundet, som var ovpris den gongen. Dei budde som sagt «imse stan» og kom til slutt åt Gautehaugji. Då Torstein tok til å eldast, fann han på ein måte til å prøve seg på om han var like sprek som før. «Han la eit veatre på bordsenden juleftan, o så høppa'n heldehøpp o tok att veatreet med sko-tån sine. So va det ein juleftan at han ikkje greidde å ta att treet. No leve e ikkji lengji, sa han då. o det året dø'n» (Semlen). Dei hadde ein son som heitte Ola. Han vart g m Sigrid Hansdr Brandvøl 1822-56-34. Dei heldt til i Lykkjun. Sigrid døydde i barnseng. Då det bar mot slutten, så ho at Ola skulde ha det ho hadde tent seg upp i Grøv. Ho hadde tent der frå ho var liten. Mekkel 1800-82-82, son til Hans og Anne, fekk Rundtupp. Han vart g m Guri Torleivsdtr Trondsgard frå Gol, d 1873 kring 75 år gamal. Mekkel var den fyrste som vart gravlagd på den nye kyrkjegarden. Borna til Mekkel og Guri: Anne 1823 g m Jon Sveinson Storejorde, dei rtA, Hans 1828 bonde i Rundtupp og på Embrikgarde, rtA, Torleiv 1832-1915-83 snikker, budde den siste tida på Løkji, Jartrud 1835-1914-79 g m Torleiv B. Løkji, Halvor 1841-42-1. Etter Mekkel vart sonen Hans bonde i Rundtupp. Han bytte gard med Jon Sveinson Storejorde som åtte Embrikgarden og var g m Anne, syster hans. Dei rtA. Hans selde Rundtupp til Ola Knutson Sletten i Lio, som fekk skøyte på garden i 1871. Ola 1838-1923-85, g 1869 m Ragnhild Persdr Høllebakka 1847-1939, var ein sers hendig kar: skomakar, snikker, laggar, skinnfeldmakar, netbindar osv. - alt til husbruk. Av og til kom folk i grenda og vilde få han til å gjera hudsko (fetasko), som få elles dreiv med. Ragnhild var flink til å saume (brodere) på vottar, border, luver, stakkeli osv. Ho nytta «flandergådn», dei kalla (leta ullgarn frå Flandern). Ho fortalde at då ho som ung kone kom til Rundtupp, var det endå skikk at dei på stølen (Nørelvi) let grisane gå med buskapen ute i beitene (OR). Borna til Ola og Ragnhild: Knut 1869-1957 bonde i Rundtupp, Per 1879-1964 reiste i ung alder til Amerika og vart buande i Northwood, N. Dakota, Anne 1885-1972 lærarinne ei tid i Flå, sea i Eitnedalen der ho vart g m Olav Bjørnødegård 1887-1973. Dei var barnlause. Knut overtok garden og vart i 1898 g m Ragnhild Persdr Ålrust 1874-1954. Knut kom med i ei vekking som gikk over bygda kring 1889 ved sogningen Hans Nes og andre, og tok sea del i samlingane samen med Halvor Ålstveit og dei andre lesarane både i Hemsedal og utanbygds. Han var ogso flittig til å vitja gamle og sjuke. I fleire år heldt han sundagsskule, og ei tid var han mykje omkring og selde kristelege bøker. I den fyrste tida han styrde garden, var det mykje ulykke på buskapen, og til slutt makta han ikkje å kjøpe seg att hest, men sleit og drog og bar det som skulde til husan. Han var ein stillfarande mann med heller liten framferd mellom folk, men so hadde han heller ingen uvener. Det var det indre,

ånedelege livet som hans tankar helst sysla med like til det siste: «Herre, lær oss å telle våre dager, at vi kan få visdom i hjertet!» Han døydde på Nørelistølen, der han likte å vera og treivst so godt. Borna til Knut og Ragnhild: Ola 1899 lærareksamen 1921, tilsett i Indremisjonsselskapet som redaksjonssekretær i «For Fattig og Rik» og lærar ved Bibelskulen, har gjeve ut Indremisjonsselskapets historie I-II og ein del andre bøker, fekk i 1929 løyve til å ta namnet Rudvin som ættenamn, bygde hytte på Nøreli 1940, vart i 1925 g m lærarinne Elise Homstøl 1899-1955 frå Arendal (born: *Ragnhild* 1926 lektor i Oslo, *Knut* 1927, sat på Grini ei tid under krigen, rtA 1953, ingeniør i Torrance, California, g 1962 m Eleanore Z. Thill av tysk-amerikansk ætt, *Arne* 1929 prest, misjonær i Pakistan frå 1959, valt til biskop for Pakistans lutherske kyrkje 1966 og frå 1972 i den sameinte pakistanske kyrkja der den lutherske er med, g 1954 m Paivi Koivisto, finsk prestedotter f 1933 born: Jouni 1955, Dag 1957, Lise 1958, Iroger 1960, Anne-Marie 1962, Stein 1964, Mette 1966, Lars 1967 d, Karin 1968 *Kari* 1931 husstell-lærarinne på Lier Husmorskule), Kari 1904, stelte sine foreldre so lenge dei levde, bur no saman med Syver, bror sin, Ragnhild 1907-19 døydde av bukhinnebetennels, Per 1909-69 bonde i Rundtupp, Syver 1912, bygde åt seg i Lisletun (54-35). - Sommaren 1955 var *Elise Rudvin* - sammen med 9 andre norske kvinner - med på ei studieferd til Sovjetsamveldet etter innbyding av russiske kvinner. På flyferda frå Stalingrad (som byen då heitte) og attende til Moskva 6. august kom flyet i brann og fall ned utanfor byen Voronesj omlag midtvegs. alle sette livet til. Elise vart gravlagd i Oslo 13. august. Per overtok garden 1936, g 1947 m Ragnhild i. Tarsset (61-4) f 1921. Bygde nye uthus 1934, kårstugu 1940, nytt bustadhus 1947, nytt fjøs på stølen 1969. Dyrka upp ein god del både heime og på stølen. Selde ei hyttetomt på slåttevollen Køtet til bokprentar Rolf Rannem frå Oslo. Ved sida av gardsbruket dreiv han ein del med bygnings- og snikkerarbeid. Men han vart ikkje gamal. Døydde brått av hjarteslag då han arbeidde med slåtten heime den 30. juni 1969. Born: Knut 1948 arbeider i Televerket, busett på Hønefoss, g 1973 m Kristin Rust frå Gol f 1953 (har ei dotter: *Brit Reidun* 1974), Jon 1950 bonde i Rundtupp, Ragnhild Sissel 1955 utdanar seg til sjukesyster, Sigrun 1960-61. Jon overtok garden 1971. Arbeider dessutan på snikkerverkstad. G 1975 m Liv Audhild Røssum frå Sylling, f 1950, tilsett som sjukesyster i Hemsedal 1974.

Bakko

Gnr 55, bnr. 2, inr 575 b.

I Bakko.

Til skilnad frå andre Bakko i bygden kalla Resabakko eller Ålstveitbakko.

På dette bruket - då kalla Ålstveiteigo - budde Nils Torleivson f 1745 g 1771 m Barbo Sveinsdtr Hallbjørshus f 1747. Dei hadde dottera Birgit 1771. Birgit vart g m Ola Henrikson f 1764 av fereldre Henrik Embrikson Torset og Margit Torleivsdtr, g 1750, dei budde fyrst på Øndredal, sea i Lien. Born: Margit 1796 g 1821 m Ivar Nilsson Hølto, Henrik 1800, Barbo 1804 g 1842 m Torleiv Nilsson f kring 1820 på ein Løkjisplass av foreldre Nils Ellingson Hallbjørshusplasse f 1779 g 1804 m Toræ Torleivsdtr 1778-1848-70. Ho døydde i Skarsdøkken hjå Ola, son sin. I ministerialbøkene blir ho kalliø pensjonist, so ho må ha fått ein pensjon av eit eller anna slag. Barbo og Torleiv vart buande i Resabakko. Han vart kalla Toræ-Tølleiv (etter mor si). Dei fekk skøyte på bruket 1846. Det hadde før høyrte inn under Ålstveit, seljar var Ola Sveinson Ålstveit. Barbo og Torleiv fekk ei dotter og to søner: Toræ 1843, Nils 1845, Ola 1848. Dei reiste alle til Amerika. Toræ hadde før ho reiste, sonen *Ola* Halvorson 1866-88-22. Han var sjukleg og gikk til doktor Olsen. «Du blir bra igjen til sommeren!» sa han. Folk tok dette for å vere eit tvimeint svar. Ola drog til Amerika, men døydde den sommaren. Han hadde hjartefeil. - Toræ-Tølleiv var ei ukjøre som jamt vilde egle seg inn på folk, og ein gong vart han stemd for det. Før giftarmalet hadde han vore ein del «utpåbygda», og då det gikk ut med han, drog han dit att. Bygda måtte koste heimreise på han (Semlen). Han døydde eingong kring 1860. - Barbo var tølig og snill. Ho levde til kring 1875. «*Jeg* minnes hun gikk omkring som fattigkone på stølene i Mørkedalen. Hun gikk i svart, høgliva stakk med ein lærreim til belte kring livet, og en stutt-trøye av skinn som bruktes almindelig den tid. På ryggen hadde hun en liten teine med to fasler. I teinen hadde hun en sekk og andre små fjegger, der hun gjemte de almisser hun fikk. På stølene fikk sadanne fattigkoner ost- og primstykker og kanskje litt smør med. De småteiner, bløkuteiner kallet, bruktes særlig til å rispe lauv i, de var almindelig emballage for de almisser som fattigkonene fikk på deres sommerferder på stølene. På disse ferder levde de sine beste dager. Ikke frøs de, ikke sultet de. De fikk god stølsmat: Dravle, ystillsøll, prim-og-mjølkk. Hos de mest godhjertede kunde de endog få kvikaku og rumme. Men det kunde også hende de fikk surprimball og kalde, kantede ord attved. sare sjele eller milde sinn, som Resa-Barbo var forlenet med, kunde bløve ved en slik fagnad som denne» (HF). (Endå til i min barndom var det ei kone frå Gol - Oline Gjerdun - som rusla rundt på stølane i Gol og Hemsedal på denne måten. Ho var som regel ein dag eller två på kvar støl. OR.) - Då Tølleiv var død,

vart Barbo og borna hennar buande i Huse, ei stugu neafor søre Grøv. Der døydde Barbo. Huslyden levde i småe kår, og både borna og Barbo gikk burte på dagarbeid. Sonen Nils var skomakar, men vår og haust var han og broren burte på nybrotsarbeid, hadde frå 3 til 4 dalar målet. (I min oppvekst hadde far og eg 6 kroner «khødnet» for slik arbeid, dvs. 24 kroner malet. OR.) Toræ var ei av dei flinkaste gjentene til å «saume» (brodere) og var reikjering, som det heitte, i gjestebod. «Ja Huse var bare en hytte. Men om hytten var trang, brødet litet, svulen smal, de bodde sammen i fred, ro og hygge. Å ha det hyggelig består ikke i å ha overflod, men i å være fornøiet med det man har. Når flere skal bo sammen fredelig, må hver av dem slå litt av på sine fordringer, ikke bare vente at den ene skal slå av alb» (HF).

I 1860 fekk skomakar Oddmund Toreson Magelinhaugji skøyte på Resabakko. Han var f kring 1825 og vart i 1859 g m Margit Knutsdtr Ullsåk. Dei hadde: Guri 1860, Margit 1862, Tore 1865, Knut 1868, Birgit 1870. Heile denne huslyden rtA 1873. So vart Bakko kjøpt av Eivind Eivindson Grøndalsdøkken 1837-1919-82 g 1) 1863 m Kari Hansdtr Brandvøl 1829-94-65. Dei hadde før butt i Snikkerhuso i Grøndale frå 1865 og kom til Bakko i 1872. Born: Eivind d, Kristi 1866-67-1, Eivind 1867-1922-55 bonde i Bakko, Ola 1870 rtA. Eivind vart g 2) 1895 m enkje Guri Larsdtr i Hølto, ho var komen frå Rime i Ål. Dei fløtte frå Bakko og budde som tilhaldarar i Grøv. Då ho var død, vart Eivind g 3) 1901 m Margit Ellingsdtr Furuhaugo 1866-1934. Dei budde nokre år i Skøltebakka og sea i ei stugu ned på Svøo neafor Løkji. Der døyde Eivind 27. november 1919. Han var ein truverdig og seig arbeidskar. Då han kom til Resabakko, sa gamle Lars

Markegølo om han: «No ha dei hengt upp ein som heng no!» Og med det meinte han at han Eivind nok vilde greie seg. Og det gjorde han. Var seig til å dra og bera. Hadde ikkje hest, men drog alt foret sitt frå Norelien og veden dei trong. I grenden og bygden vart han kalla Gamle-Eivind (til skilnad frå sonen, som og heitte Eivind). «Han hadde et godt minne og fortalte mig meget om slektene i bygden. Jeg har meget å takke ham for. Han var ofte hos mig og laget kjørelid. Stod høvlet eller sat skar legger og fortalte, og jeg skrev. Han var syk 3 uker. Siste søndagen han var rørig, gikk han til Resabakko for å besøke sønnen sin. Var skral til å gå. Da han kom ned for Løkji, satte han sig på en stein og sat og så omkring sig. Det var som han nu i livets solfallsstund vilde si farvel til fjell og dal, skog og mark, det landskap han hadde stirt på hver dag i så mange år. Kanskje han tenkte som Gunnar på Lidarende: Fager er lien, og aldri syntes den mig fagre enn idag! På dødsleiet lå Eivind og leste utenat lærte bøner og Salmer, som han hadde et rikelig forråd av. Med klar bevisthet like inn i dødsstunden.

Skjønt smertene til dels var store, bar han dem talig og rolig, og fornøiet stridde han striden ut» (HF). Sonen Eivind overtok Bakka 1894 då han vart g m Barbo Knutsdtr Sørbøl 1867-1944. Eivind var ein noko sky og innestengd natur og likte best å rusle for seg sjøl. Ho Barbo derimot hadde lett for å prate med folk, og mange både i nærmaste grenden og lenger ifrå kom jamt for å tala med henne, ikkje minst om åndelege ting. Ho gav alle god rettleiing ut frå si rike livsrøynsle og vart mange til hjelp på den måten. Sistpå ho levde, var ho mykje plaga av gikt, men bar plagene med stort talmød (OR). Born: Kari 1899-1967 budde heime, Knut 1900 hadde bruket til det 1972 vart selt til Torbjørn Haugo på Flato (sjå der). Bur no på Bygdaheimen. Kari og Knut Bakko selde den vesle slåttevollen sin i Noreli til teiknaren *Trygve M Davidsen* f 1895, Grefsen, Oslo, g m tidlegare sjukesyster Gudrun Hjelde 1900-71. Dei bygde hytte der (Steinsbu) i 1939. Ein vinter under krigen «gøynde» dei seg der og var der heile vinteren.

Davidsen tok initiativet til reising av *Lykkja kapell* (vigsla 1961) og var den drivande krafta i innsamlingsarbeidet, laga alle teikningane til kapellet og utstyret, mala altarbiletet og hadde det kunstnarlege tilsynet med det heile, alt utan vederlag (sjå nærmare om kapellet i boka av Rudvin-Davidsen: «Kapellet ved Skogshorn», Oslo 1964). Han sette seg også i brodden for å grave ut og sett i betre stand den gamle stavkyrkjetufta i Hemsedal med gjerde og port, utført sommaren 1963 under leiing av riksantikvaren. (Resultata av sitt arbeid med sogane om rekonstruksjonen av den gamle, nedrivne stavkyrkja har han samla i boka «Den gamle stavkirken», Oslo 1964.) Ein modell av den rekonstruerte gamle stavkyrkja, som ho truleg har sett ut frå fyrsten, er oppsteld i heradshuset. - Det Kristus-biletet som heng i Hemsedal bedehus er også ei gåve frå Davidsen. - Steinsbu vart i 1970 overteke av sonen *Stein* f 1931, g m *Inger* Pettersen f 1931. Dei har tre søner: *Øystein* 1963, *Torbjørn* 1964 og *Ketil* 1969 (OR).

Nordre Myte (Huso)

Gnr 55, bnr 10 Inr 575 f. i nordre Myte eller Huso. Skriv seg Mythe.

Huso ligg i Markegardsgrenden, men er komen undå Ålstveit. Her budde Ivar Nilsson Myte som døydde 1802 kring 70 år gamal. G 1766 m Ambjørg Embriksdtr d 1802 kring 71 år gamal. Dei hadde: Ragnhild 1767, Margit 1769 g 1809 m Asle Harahaug (hadde før giftarmalet sonen *Ivar* 1801-02), *Ingerid* 1771-1867-96 budde ei tid på Markegardseigo g 1802, *Nils* 1774 (d ung), *Nils* 1776 d, *Embrik* 1778. So bur her Ivar Ellingson Løkjisplass eller Snuserud 1781-1864-83. Vart kalla «Tukken». G 1807 m Kari Torsteinsdtr Hølto 1781-1871-90. Dei hadde: Margit 1808-72-64 g m Jon

Knutson Vølle, Birgit 1813-73-60 g 1844 m Embrik Olson Jøtun, Sissel 1816, Elling 1820 bonde i Huso, rtA, Sissel 1823, den eine av desse Sissel-systrane vart g m Ingvar N. Viljugrein. Sonen Elling fekk Huso, g 1849 m Barbo Knutsdtr Grøvshaugji f 1821. Elling og like eins sonen Ivar var timremenn. Laga ogso ullkorgjer og anna. Heile huslyden for til Amerika: Ivar 1849 g 1880 m Margit Myren ved Løkji, Knut 1853 g m Barbo Ivarsdtr Skølt, Kari 1855 g m Knut Vilhjelmson Skarshaugo, Mekkel 1858, Anne 1861 d, Torstein 1862, Anne 1865. Ivar og Margit budde som tilhaldarfolk i Huso til dei for til Amerika. Born: Elling 1881, Nils 1884, Ola 1887. Knut og Barbo likeeins. Born: Barbo 1881, Elling 1883, Ivar 1884. Då Elling med huslyd rtA, selde dei bruket til enkje Turid Grøto, som kom der med huslyden sin (sjå Grøto 63-13). Etter nokre år overlet ho bruket til sonen Knut Asleson f 1858 g 1893 m Astrid Larsdtr Dølehaugji frå Ål. Born: Asle 1894, Lars 1897. Dei drog til Amerika. Der døydde Knut trast, og Astrid med borna reiste heim att til Ål. Knuts bror Ingvar Asleson 1860-1906-46 g 1892 m Borghild Knutsdtr Gurigard frå Ål heldt til fleire stader den tid Ingvar reiste som emissær. Dei kom attende til Hemsedal og budde i Huso då Ingvar døydde. (Sjå meir om Ingvar i «Dølaminne» for 1972.) Born: Turid, Asle, Knut, Ingvar. Borghild og borna drog frå bygda att, så nær som Ingvar. Han vart oppfostra hjå Ola H. Sletto. Knut og Ingvars bror Svein Asleson 1858-1937 kjøpte so Huso. Han stelte om mor si til ho fall frå i 1911, 82 år gamal. Ho låg til sengs dei siste tie åra og hadde mykje verk. «Svein pleiet henne så omhyggelig at han blev almindelig erkjendt i bygden for å ha gjort en samaritans gjerning. Moren lå sar av verk og jamret sig når nogen annen rørte ved henne. Han hadde et eget lag til å handsome den verkbrudne gamle. Det var barnets kjærlighet til en god mor som alene var lettfængd nok til å løfte og vende. Ti år ved sykeleiet! For en kjærlighet, for et tålmod, for en selvfornegetelse han fikk øve sig i!» (HF). I grenda vart han difor og alltid heitande Turid-Svein. Då ho fall fra, selde Svein garden til skomakar Nils Torleivson Myren ved Løkji og budde sea fyrst på Flato og so i søre Grøv i ei kårstugu der. Nils 1878-1966 fekk mykje å slite med då han kom til Huso, for det var så mykje steinfull mark like innåt husveggene. Men han braut og dyrka upp kring 20 mål innmark og bygde om hus både heime og på stølen (Blomesletto). Nils vart g 1908 m Birgit Tomasdtr Klype (Svarteberg). Born: Olaug 1908 g 1930 m Ragnvald Johansen i Skoger, Anne 1910 g 1930 m Lars Drøgsvoll frå Voss 1898-1946, busett i Mjøndalen, Ingebjørg 1912-17-5, Torleiv 1913-69 g 1946 m Margit O. Prestgardhuso f 1916, arbeidde ei tid på skomakarverkstad i Oslo, budde på Amot, der han døydde brått av hjarteinfarkt, Tomas 1915 g 1942 m Gunhild Prestgardhuso f 1919, har småbruket Klype (Svarteberg 62-2, sjå der), som han overtok etter morbror sin, Ola 1917 har garden, Ingebjørg 1918 tener på Ulleval sjukehus i Oslo, Margit 1923 g 1955 m Nicolai Bjørnsbråten frå Ådalen og bur der, Karoline 1928 g 1953 m Harald Holm f 1922 frå Rukkedalen, han arbeider i Oslo, og dei bur der. Ola, som har gått yrkesskule, tok over gardsbruket 1943. G 1947 m Olga H. Dalo f 1922. Har bygt nye uthus 1954 og nytt bustadhus 1967. Han har kjøpt två slätter ved Heimsil som tilhøyrdte Pålhuso neda og ovafor Hjelman 1963. Har vore feiar i bygden. Borna til Ola og Olga: Nils 1947 g m Ragnhild Skaga frå Gol Born: Laila 1976, Herbjørn 1951 g 1972 m Gunhild Spildrejorde i Gol f 1952 (born: Anita 1972, Monika 1974), Berit 1954, Kari 1963.

Flato

Gnr 55, bnr 7, Inr 575 d. På Flato. Skriv seg Ålstveit.

Då Bjørn Trondson Grøndale 1825-69-44 overtok halvparten av Ålstveit kring midten av 1850-åra, laut han til å bygge upp heile den nye bustaden. Han tufta husa på ein stad dei kalla Kyrkjeflatitt, for det gikk ei gamal søgn om at det skulde ha stade ei kyrkje der, eller at dei hadde tenkt å bygge kyrkja der. Etter den eine versjonen sto valet mellom denne staden og der den gamle stavkyrkja vart sett. Men så syntet det seg at det var for lite jorddjup til leggstad på desse flata, og dessutan vilde nordbyggingane ha kyrkja lenger nord. Dette er lite sætande. Den gamle stavkyrkja vart reist alt fyrstundes på 1200talet og då ganske sikkert midt i bygda. Ålstveit og Markegardane låg nok den gongen i eit utmark-strøk, jamfør namnet Markegølo. Derimot kan det vera truleg at det eingong har stade ei mindre kyrkje der, ei sokalla høgjendes-kyrkje (privat «maks-kyrkje»), og då venteleg utan leggstad. Ein må elles vera merksam på at gamle søgner om kyrkjer og kyrkjebygging ofte har vandra frå stad til stad. Bjørn vart i 1857 g m Gunvor Sveinsdtr Hallbjørshus 1837-1900-63: Trond 1858-9133 handelskar, drukna i Drammenselva, Svein 1861 rtA, g 1887 m Ambjørg Eivindsdtr Berg, Vilhjelm 1864 reiste og til Amerika, Jon 1866-1913-47 fehandlar, g 1907 m Margit P. Langehaug og budde som tilhaldar der (etter at Jon fall burt, fløtte Margit til Ullsåk, dei hadde borna: *Gunvor* 1908, *Asbjørn* 1912). - Då Bjørn fall burt, gifta Gunvor seg att 1870 med Odd Olson Langehaug 1845-1930. Dei fekk borna: Birgit 1870-73-3, Ola 1872-73-1, Ola 1873-1946 bonde på Flato, Birgit 1875 rtA og vart diakonisse der, etter 9 års tenest som sjukesyster, vart ho g m ein Molde, Per 1877-79-2, Olaug 1879 vart g m Torleiv Intelhusbakko, dei rtA 1924. - «Gamleødd» som me kalla han, overtok bygselbruket Jøta, då Ola, bror hans, drog til Amerika. Ved utskiftningen mellom Ålstveit og Flato av heimevinna (1911) fall Jøta attende til Ålstveit. Ola overtok garden, g 1898 m Oline Reiargarde 1874-1900-26. Ho døydde i fyrste barnseng og veslegjenta Oline døydde ogso. Dei vart lagd i same kista. Ola vart so g att m

Ingerid Halvorsdr Ålstveit 1869-1947. Ola var ein lettsleg kar, mykje av ein sangvinikar og lett å be om hjelp, og både han og Ingerid var hyggelege folk å ha i grannelaget. Born: Odd 1902 bonde på Flato, Halvor 1904-29, utdana seg som lærar, men døydde ung, Gunvor 1906-24-18 døydde av meningitt. - Ola fortalde om ein fælsleg bufar frå Nørelii i 1902: Sistpå dei var der, like før dei skulde fløta, kom det ein halv meter snø. Far og mor hans og Birgit Ålsveit med två små born vassa ned til Storevatnet og fekk Ola i Bubakka til å ro seg heimover. Men vinden vart so stri at dei måtte gå i land på Bergostøle. Sjugurd Ålstveit og dei andre på støslaget reiste med hestane og buskapane kløvjavegen nordover forbi Eikrestølane og kom heim på køyrevegen lenge før dei andre, som måtte vabbe i snøen nordover heile Bergastøllie. Det var ikkje å undrast på at dei ottast det hadde hendt ei ulykke med dei. Slik kunne det stundom bera til for folk i fjellbygdene. Odd tok over garden i 1930 og vart g året etter m Kirsti i. Markegård. Han bygde ny stugu 1940, hytte til utleige på stølen 1931 og nytt fjøs der 1952. Heime braut han upp mykje mark og rydda burt steinrøysar, so det kan brukast maskiner overalt. Det vart den mest lettstelte garden i grenda og ber namnet sitt med rette. Born: Ingrid 1932 g 1964 m Torbjørn Haugo. Far til Torbjørn, Daniel Haugo, var frå Grønlio i Gol. Han dreiv som skomakar og busette seg på Imre i Hemsedal. Ingrid og Torbjørn - som skriv seg Haugo - overtok garden 1964. Dei har bygt seg nytt bustadhus og ny driftsbygning. Torbjørn kjøpte ei slåttemyr av Ola H. Grøthe, og i 1972 fekk Ingrid og Torbjørn konsesjon på kjøp av eigedomen *Bakka*, tilhøyrande Knut E. Bakkene, for kr. 25 000. Gardstunet heime og ei hyttetomt på stølen vart samstundes selde for kr. 55 000 til fru Unni Reidun Stampe, Oslo, som har bygt hytte på Nøreli. Borna til Torbjørn og Ingrid: Kirsten Olau 1966, Bjørg Kari 1971.

Jøta

Gnr 55, bnr 8, Inr 575 h. I Jøtun.

Embrik Olson Toregarde i Lykkjun fekk bygsel på dette bruket i 1846. Det låg ned på jordet på Ålstveit, eit stykke dei kalla Harpedøkkji. Dessutan fekk han eit slåtteland på Nørelien til støl. Embrik 1818-5840 vart i 1844 g m Birgit Ivarsdr Huso 1813-73-60. Dei hadde: Kari 1844, Kari 1846 fekk Jøta, g m Ola Langehaug, Ragnhild 1848-91-43 (med son *Svein* Magnusson 1867 som rtA og vart farmar der), Ola 1850-1907-57 ikkje normal, vart kalla «Juten» (avdi han var frå Jøtun), Ivar 1855-1903-48 rtA, omkom ved ei jarnvegsulykke. Det var smått for Birgit og borna hennar. Som andre fattigfolk laut ho gå burte på arbeid, helst bakst og vask. Og mørkaste vinteren laut ho sita med spune. Hadde 8 skjeling for å karde, spinne og vinde ei mark ull. Sist i april 1873 sat ho i eldhuset i Båste og baka. Kjende seg sjuk. Gikk nord att åt Jøtun og vart liggjande til sengs sterkt klen. Venteleg lungebrand. Den 7. mai døydde ho. - Dottera Ragnhild døydde av tæring, som det var mykje av den tid. Ho hadde vore makalaus flink til å danse springdans. Då ho gikk med barn, spurde dei henne kven som far skulde vera. «De får tigja te kurven bli kokt, o vilja de kji det, får de sprekkji,» svara Ragnhild. Ola or Haugji f 1848 som vart g m Kari 1871, var smed og vart kalla Jøtesmeden (og av den grunn vart stølsvollen deira kalla Smevøln). I bryllupet deira var Elling Huso kjellarmann. Han hadde visst snakka med skjenkaren og, for då han kom upp att or kjellaren ein gong, hadde han tappen i den eine handa og ølembaren i den andre. Ola og Kari drog til Amerika, og bruket fall då attende til hovudbølet. Borna deira: Olau 1872-73-2, Ola 1874 d, Olau 1878.

Andre huslydar i Ålstveitgrenden:

Tore Torsteinson g 1745 m Gunvor Torleivsdr. Dei hadde Mari 1745, Jørønd 1749, Torstein 1753, Jørønd 1755, Birgit 1758. Mekkel Nilsson Ålstveit og Eggjerd Torleivsdr d 1766, 50 år gamal: Anne 1756, Jon 1761, Nils 1762-1844-82 budde i Huso, Torleiv 1764-1823-59 bonde på Hjelme. Ola (Embrikson) Ålstveiteigo g m Margit (Aslaksdr). Svein Halvorson Myte og Ragnhild Iyarsdr: Halvor 1790, Nils 1795, Torleiv 1801 d, Ivar 1804. Dessutan er nemnt: Barbo Knutsdr d 1784 og Kari Torleivsdr d 1808. Og so var det ei Margit som dei kalla «Eldhusa» frå Haugji i Lykkjun 1836-1902-76 (sjå der). Ho vart burtkjøpt i Rundtupp, skulde so til ein annan gard i bygda, men dei vilde ikkje ha henne, og so kom ho attende til Rndtupp, der ho fekk vera resten av levetida.

Grøv - Intelhus - Hallbjørshus

I eldre tid låg det ofte två og stundom tre gardar tun i tun. Prov på at dei eingong hadde hørt ihop. I *Grøv* var det tre: søre, mellomste og nørde, og bygdevegen gikk tvers gjenom tunet hjå alle. Slått og åkrar låg mykje om einannan. Ved utskiftnmg fullförd 1912 måtte mellomste *Grøv* fløta ut, ned på ein haug nord ned, «ned på Haugji», som det vart heitande. il *Grøv* hørde eit par mindre, nedlade bruk: *Grøvshaugen* og *Grøvsbakko*. Det er og nemnt eit *Grøvseigo*, men ein veit ikkje kva for bustad dette var. Heller ikkje veit ein meir om *Marahaug* og *Huset* enn at desse bustadene låg nedafor *Grøv*. Eg kan minnst at endåtil i min barndom låg det nokre gamle bruksting på ei røys ned på jordet i søre

Grøv (OR). - Grøv hadde heimstølane sine i Gravset, som låg ved den gamle stølsvegen når ein kom opp dei bratte Hesabakkatn. For å sleppe dei vart vintervegen brøytt opp gjennom daldraget Strupen, dei kalla, og vidare sørover Gravsetmyratn. Seinare vart køyrevegen omlagd (två gonger til no). Nørdrø og mellomste Grøv fekk langstølen sin på Nyset i sørhellinga av Skogshødn, og sørø Grøv hadde sin synst i Markegardslø, ikkje langt ifrå i onsstølo. Å *Intelhus* var det frå kring 1835 två gardar like innåt kvarandre før utskiftingen kom. Den gamle bygdevegen gikk tvers gjennom tunet på nørdrø Intelhus. Rett ovafor Intelhus låg *Bakka* (Intelhusbakko) og nede i skogen for seg sjøl *Hensrud*. Dessutan nede i skogkanten det gamle bysselbruket *Turrhaug*. Intelhusgrendø hadde langstøl på Løkjisstølo nordunder Skogshødn. Intelhus og Løkji var frå gamalt dei fyrste til å fløta på stølen, vanlegvis ei veke fyre jonsok. På *Hallbjørshus* var det og två gardar, den eine ovafor og den andre nedafor den gamle køyrevegen. Etter utskifting kring 1912 vart den øvre garden fløtt nordover og nedom vege. Det nedlagde bysselbruket *Leirehaugen* høyrde sørø Hallbjørshus til og lå opp under (eller oppå) den høge haugen dei kalla so. Hallbjørshus stølar på Jonsstølo på brauten nordafor Lykkjestølo. Dei her nemnde tre gardane er truleg av høg alder. Etter namna å døme kunne det liggje nær å tru at Hallbjørshus og Intelhus er utskilde frå ein eldre gard, som dalaut vera Grøveller Løkji. Eit arveskifte datert 26. jan. 1596 for Hallbjørshus og Intelhus finst mellom diploma i Riksarkivet. I skattematrikkelen 1647 er Peder Grouff saman med mor si oppførd som eigar av Grøv, og garden er skyldsett som øydegard. I kyrkjebøkene finn me fyrst ein Aslak (eller Asle) Person Grøv, Asle Person Grøv var son til Per Arneson nørdrø Uppheim i Tørpo. Han kjøpte Grøv 1664. Han var g m ei Sunnev Olsdr. Det var skifte etter han 3-8-1706 med Ola Markegølo og Bjørn Vesle-Jordheim som takstmenn. Buet åtte mellom anna 12 naut, 12 geiter, 24 sauer og 1 hest. Eiga var på 120 riksdalar. Aslak eg Sunnev hadde borna: Margit g m Einar Bjørnson Løkji, Barbo 1693, Ragnhild 1695. Einar var eldste sonen til Bjørn Bjørnson Løkji. Han og Margit vart gifte 1706 og budde i Grøv: Aslak 1707-18-11, Hans 1708-18-10, Birgit 1710 g 1732 m Ola Toreson Engj o, Sunnev 1712-18-6, Margit 1714 g m ein Nils Olson. - Einar døydde 1716, og det var skifte etter han 21-9-1716 ved lensmann Arne Hovtun, takstmenn Jon Hallbjørshus og Ola Markegølo. I buet var mellom anna: 8 naut, 21 sauer, 10 geiter. Av sakorn 1 Yz tunne bygg a 3 dalar. Som arvedel i Grøv fekk enkja «med bøxel og aasæde» tildelt 3/6 løbel (laupsbol), verdsett til 8 rdl lort og 8 skjeling. Av Løkji tilfall det Einar etter skiftebrev 8-2-1693 ein morsarv på 1 og 3/8 løbel, verdsett til 13-3-0 rdl. Skiftebrevet nemner og at Einar etter mor si hadde arva ei yting på 4Yz blsmarpund smør a 1 rdl «udi Sp angelo i Borgund annex». Buet etter Einar lydde på tilsamen 84-2-8 rdl brutto. Av dette gikk frå vederlag for gravferda 5 rdl og andre utlegg på tilsamen 12-2-0 rdl. Formyndar for sønene og dottera Birgit: Bjørn Helgeson Jordheim, Einars versyskinbarn. For Margit: Per Gunnvaldson Grøv, syskinbarnet til mor hennar. For Sunnev: Kleofas Gudleikson Rolfshus på Nes, syskinbarnet til mor hennar. - Etter som tre av borna døydde i 1718, må ein tru at det har herja ein smittsam sjukdom det året. Så er det nemnt ein Andres Halvorson Grøv som hadde borna: Margit ca 1730 g 1751 m Embrik Olson Markegøla på Engjo ved Ullsåk, Dis 1731, Halvor 1732.

Halvor vart g 1) 1753 m Margit Larsdr Kyrkjebøn 1724-59-35. Born: Ingebjørg 1756. G 2) m Birgit Rasmusdr d 1767, 40 år gamal. Born: Ragnhild 1761, Margit 1762, Rasmus 1764, Andres 1766 d. G 3) m Kari Larsdr (med barn: *Kari* f 1751). Born: Andres 1769, Lars 1772, Toræ 1775, Birgit 1778. Så er det nemnt ein Knut Larsson Grøto 1737-1805-68 g 1779 m Ingerid Tomasdr Trøym 1744-1803-59. Dei budde ei tid i Grøv, så på Intelhusbakka og i 1801 på eit Torsetbruk. Born: Birgit 1779, Kristi 1782, Sigrid 1785. Ein Ola Knutson d 1765 46 år gamal, g 1754 m Birgit Eiriksdtr Vølo f 1731, budde i Grøv. Born: Per 1755 g m Birgit Toresdr Rundtupp og bonde der, Eirik 1758, Knut 1761, Margit 1764. - Birgit vart g att 1766 m Ola Ivarson Ålrust: Margit 1768, Ola 1773 (d 1818). Så er det nemnt ein Per Nilsson Grøv f i Skølt 1742, g 1779 m Ragnhild Olsdr Høggi, som må ha vore tilhaldar der, for ingen med det namnet høyrde garden til. I bygden er det forresten fleire Ragnhild Olsdr på denne tida. - I 1788 er det oppførd eit gjentebarn d på Grøvseigo, som altso då var ein plass under Grøv. I 1801 er det ikkje nemnt nokon plass lenger.

Sørø Grøv

Gnr 56, bnr 4, Inr 579.

I sørø Grøv. Skriv seg Grøv.

Den fyrst nemnde her er ein Gunnvald g m Dis Øysteinsdr. Dei hadde borna: Margit g m Ola Oddmundson Sørbøl, Per bonde på Ålstveit og i Grøv, Knut 1693-1740-47 (då skrivi for Knut Løchen), Brynhild, Anne 1696, Hans d 1700. I skifte brevet etter Gunnvald 21-9-1716 heitte det at dei skulde dele «det ringe faste gods» etter han mellom hans attlevande kone Dis, dei två sønene Per og Knut (fullmyndige), Margit og dei två umyndige gjentene Brynhild og Anne. Per fekk garden. Han hadde før vore bonde på Ålstveit (sjå der) og var g i m Eggjerd Ålstveit. Dei hadde ein son Knut 1710-72-62. - I skiftet etter Eggjerd 14-9-1725 var det m.a. 10 kyr, 2 kalvar, 8 vaksne og 5 unge søyer, 8 lamb og 10 geiter. Per vart g 2) m ei Anne Knutsdr. Knut overtok garden, g 1731 m Olaug Knutsdr Jordheim f

1710. Dei hadde: Ola 1732-66-34 g m Birgit Eiriksdtr Vøllo, Knut 1736 d ung, Per 1740-1817-77 bonde i Grøv, Eggjerd 1741-73-32 g 1770 m Ola B. Ullsåk, Bjørn 1743-73-30 vart g 1770 og budde då i Lykkjun, Ingebjørg 1746, Eggjerd 1751 g m Bjørn Olson Ullsåk, Ingebjørg 1753-1840-87, Henrik 1757 g 1793 m Ragnhild Vilhjeldsdtr Langehaug (dei vartbuande lenge i Grøv, men fløtte so til ein annan stad, ein veit ikkje kvar, dei hadde två born: Knut 1793, Marte 1798). Per fekk garden, g m Ingebjørg Olsdtr ca 1746-1836-90. Etter det Semlen sa, var Ingebjørg frå Røtneim i Gol, og far hennar åtte både Løstegard og Røtneim. Born: Ingebjørg 1772-1857-85 g m Gunnvald Gunnvaldgarde, Knut 1775 d ung, Knut 1777 like eins, Olaug 1778-1820-42 g m Torleiv i nørde Lykkjehaga, Knut 1781-1839-58 bonde i Grøv, Birgit 1784, Ola 1788-1867-79 bonde på Ullsåk. - Ingebjørg, kona til Per, var lenge sjuk på slutten. I 12 år «låg ho på hendo», som det heitte, dvs. kom ikkje upp utan hjelp, fortalde Semlen. Knut overtok garden, g 1808 m Sigrd Sjugurdsdtr Tuv 1786-1866-80: Ingebjørg 1809-99-90 g m Trond Olson Brandvøl, Per 1812-99-87 bonde i Grøv, Sjugurd 1816-83-67 ugift, budde som tilhaldar i Grøv, Knut 1819-94-75 bonde på søre Markegølo, Margit 1821-33-12, Andres 1823-79-56 bonde på Ålstveit, Ola 1826, Anne 1830-1906-76 g m Ola Toreson Eikre. Per fekk Grøv, g 1838 m Margit Aslesdtr Torset 1818-71-53: Knut 1839 ei tid landhandlar i Grøv, rtA, Asle 1841-1916-75 bonde på Torset, Ola 1844-1903-59, til Amerika fleire gonger, budde på Lauvdøkken i Gol, Per 1846-83-37 bonde i Grøv, Sigrd 1850-1909-59 g m Svein Ålrust, Gunhild 1852-1909-57 g m Svein Jordheim, Ola 1855-57-2, Ola 1859 d, Margit 1860-1905-45 g m Svein Hallbjørshus, Ola 1864 d. - Dei tre gjentene vart gift med kor sin Svein, og alle tre døydde brått. Per Person fekk garden, g 1873 m Guro Embriksdtr Torset 1844-1933. Han døydde berre 37 år gamal av lungebrand. Sjugurd, farbror hans, vart sjuk og døydde av same sjukdomen, og dei vart gravlagde sama dagen. Omlag på sama tid døydde også Bjørn Tullehuso, Andres Intelhus og Kirsti Markegølo av sama sjukdomen, so det må ha vore ein lei farang. - Ola, bror til Per, var som nemnt fleire turar til Amerika. Heime handla han med fe og vart kalla Grøven. I 1896 vart han g m Ambjørg Lauvdøkken i Gol, og budde so der, men vart ikkje gamal. Dei var barnlause. Han var kjend som skrønemakar. Fortalde so truverdig som det skulde vore hendt. I Amerika hadde han seilt med luftballong. Dei kom so høgt at dei var uppe i trea skygangen, fortalde han. Og i California hadde han vore med på timrehogst, det var so digre tre, sa han, at det dansa 12 på stuva i send. Ein annan gong hadde han vore med på ein skitur, han og ein del andre. Dei kom upp på eit høgt, bratt fjell. Två av dei sette utor brattaste kneiken. Det bar ut i lause lufta med dei, og dei kom ikkje ned att, men vart upptekne, sa han. - Borna til Per og Guro: Margit 1874-1962 g 1896 m Jon Ålrust i Nørdreli i Gol, Anne 1876-1957 g m Knut Markegølo, Per 1879-1970 bonde i Grøv, Sigrd 1882-85-3 døydde av brandsår ho fekk. Per overtok garden. G 1911 m Rangdi Bjørnsdtr Løkji 1891-1945. I hans tid vart det utskiftning både av heime eiga og i Gravset (1940), og han fløtte husa på heimstølen ned på nokre oppdyrka myrar nedafor den dåverande nye vegen 1935. På langstølen tok han i bruk slättevollen som stølsvoll, med di han låg meir lagleg til for mjølkeleveringa, og selde ei hyttetomt på den gamle Grøvsstølen. Han kjøpte ein skog av nørde Grøv på 45 mål, som ligg ved Ålrustslåttene. Borna til Per og Rangdi: Guro 1912 er heime, Knut 1914 d, Per 1916-31, Torbjørn 1919 bonde i Grøv. Torbjørn overtok garden i 1945. Det er altso sama ætta som har ått garden like sea 1693. I 1943-46 fekk Torbjørn og far hans fløtt alle husa eit stykke lenger ned, so den nybygde garden ligg noko undå den nye moderne vegen som vart laga no i nyare tid. Torbjørn har dyrka upp mykje både heime og i Gravset og bygt ny bu på stølen 1960. Han vart g 1954 m Randi Olsdtr Ullsåk. Born: Per 1955, Reidun 1957 og Ole 1958. Nedafor søre Grøv låg *Huset* dei kalla. Ein kjenner ikkje til kven som budde der, eller når dette bruket vart nedlagt.

Nørdre Grøv

Gnr 56, bnr 3, Inr 577.

i nørde Grøv. Skriveform: Grøv.

På Lars-garde, sa dei, då Lars Grøv budde der. Lars Torleivson 1739-97-58 g m Anne Olsdtr Eikre 1747-1813-66 var komme frå Rundtupp (sjå der). I Grøv fekk dei borna: Margit 1786 g 1812 m Ola Bjørnson Ullsåk, Ingvar 1793-1842-49 fekk foreldregarden. Ingvar vart g 1813 m Gunhild Bjørnsdtr Øndredal 1789-1873-84. Ingvar reiste til Drammen med eit varelass vinteren 1842. Han drakk, og i fylla seig mismotet slik inn over han at han gikk stad og hengde seg. Borna til Ingvar og Gunhild: Lars 1814 bonde i Grøv, Bjørn 1816-34-18, Torleiv 1819 rtA, Ola 1821-53-32 budde på Ullsåk, drukna i Drammen, Anne 1824-1908-84 g m Torstein Huso i Eikre, Gunhild 1827-78-51 ugift, budde i Grøv, Margit 1830 g 1855 m Eirik Ingvarson Raunedøkken, Nes, budde på Maribrøta ved Svenkjirud, Birgit 1833 gift til Solbergsetra ved Hokksund, Kari 1835 vart g m Eirik Raunedøkken då Margit var død, dei rtA 1866 (levde ennå i 1927). Lars fekk Grøv, g 1844 m Margit, dotter til Birgit Ingvarsdtr Rusto f 1810. Faren til Margit var Knut Andresson Torset. Det var ein smed hjå Lars eingong og laga ein lauvkniv åt han. «Ko ska e sæta,» spurde smeden - namnemerke, meinte han. «Set Lars Grøv,» svara han. da, Lars Grøv æ snart gjort,» svara smeden. Det vart ei herme i bygden. Borna til Lars og Margit: Ingvar 1845, Gunhild 1846 d, Bjørn 1850 d, Gunhild 1853. Lars med huslyd rtA 1861, og eigedomen

vart då kjøpt av Ingvar Torleivson i myljojarde, som let sonen Svein 1846-1932 fânørde Grøv. Han vart i 1876 g m Rangdi Endresdtr Ullsåk 1857-1916-59: Ingerid 1877-79-2 døydde av brandsår, Margit 1879-1969 g m Ola O. Jordheim, Ingerid 1883 rtA 1909, Ingvar 1887-1963 domm (døvstum), arbeidde i Oslo, vart gravlagd i Hemsedal, Birgit 1890 g 1929 m Ola K. Myte, Ingebjørg 1894 rtA 1924. Margit og Ola Olson Jordheim (64-4) 1878-1955 budde fyrst på Jordheim, men overtok so Grøv 1924. Ola bygde ny stugu heime 1924 og ny bu i Gravset 1942 og dyrka upp ein god del. Born: Ola 1906 bonde i Grøv, Rangdi 1908 g 1931 m Olav Lein Borge, Skotselv, Sigrid 1911 g 1932 m Erik Solberg, Skotselv, Margit 1913 g 1946 m Jon Solberg, Hokksund, Barbo 1915 sjukleg, Karoline 1919-44 g m Lars Eikum, Oslo, Birgit 1921 g 1956 m Engebret Eie, Hokksund, Sveiu 1923 byggmeister, har bygt seg hus på Torset. Ola overtok garden 1932 og vart same året g m Birgit T. Hjallen frå Gol f 1907. Han fløtte gardstunet nedom den nye vegen. Bygde uthus 1943-46 og bustadhus 1959. Har dyrka upp mange mål heime og i Gravset, og ved sida av gardsarbeidet har han drivi mykje med skogsarbeid om vintrane. Born: Margit-Solveig 1933 g 1962 m Herman Flatland, Tørpo, Odd 1946, Signe-Bjørg og tvilingbroren Torleiv 1948. Signe-Bjørg vart i 1968 g m Birger H.Grøndalen. Torleiv som overtok garden, vart i 1969 g m Rita-Marie Skistad frå Mjøndalen. Born: Ann-Mari 1969, Ole Ingvar 1975. Tilbygg på bustad og uthus.

Mellomste Grøv

Gnr 56, bnr 1, Inr 578.

Ned på Haugji. Skriv seg Grøv.

Ein Ingvar Torleivson Ålstveit 1742-86-44 budde her, g 1777 m Olaug Halvorsdtr. Han var bygdelenmann (underlensmann) og sette upp eit arresthus på tunet sitt, der uregjerlege hemsedøler fekk tid til å tenkje seg om. Det var helst for tjuvri eller overgrep på saklaus mann dei vart sette inn. Huset sto der til 1880-åra. Borna til Ingvar og Olaug: Torleiv 1779-1844-65 bonde i Grøv, Halvor 1781-1840-59 bonde på øvre Ullsåk, Ola 1784-1844-60 bonde i Grøvgarde, Birgit 1786-1879-93 g 1811 m Tore Rusto (ho hadde før dotter: *Margit* Knutsdtr f 1810, som vart g m Lars Grøv). Kyrkjebøkene nemner 1787 Ingvar og Margit Grøv med son Ola 1787, og i 1796 Ingvar og Ingebjørg Grøv med son Embrik 1796 d. Presten Wilhelm Corniseh Lassen (1751-1830) førde kyrkjebøkene nokso slurvut. Han skulde ha vore ein lærd mann, men for historikarane vart han ein brysam bokfører. Han var prest i Nes, Gol og Hemsedal 1783-98. Det kunne liggje nær å tru at nemnde Ingvar Grøv var gift tre gonger, årstala kolliderar ikkje med den teorien. Torleiv Ingvarson fekk garden, g 1810 m enkje Eli Torleivdtr Klepp ifrå Gol d 1832: Olaug 1810, Ingvar 1812-76-64 bonde i Grøv, Ola 1814 d, Gunhild 1815 d, Gunhild 1817 g 1855 m Ola Olson Bleikfet, dei budde på sagabrøta i Gol, Ingebjørg 1820 å. Halvor 1821 rtA. Han heldt til hjå Ingvar, men var noko lei ha med å gjera, vart det sagt. Ein dag vart dei usamde. Ingvar bad broren gå og sa: «Huset æ mitt o døre æ di!» «Ja, æ døre mi, so kan e ta o då, veit e,» svara han. Dermed hekta han døra av hengslene og læste henne inne i eit stabbur han hadde. - Torleiv vart g 2) 1836 m enkje Gunvor Olsdtr Storejorde. Dei var barnlause. Det er fortalt at dei ei tid budde i Gravset året rundt. Ingvar fekk garden, g 1841 m Ingerid Sveinsdtr Ålrust 1815-91-76. Det vart fortalt at Svein Ålrust hadde sagt at Ingerid skulde få eit skogstykk med timreskog som arv. Då dette ikkje vart noko av, vart Ingvar harm og lova på at han ikkje skulde vøle på eit einaste hus, og denne lovnaden heldt han. Ingvar kjøpte nørde Grøv då Lars nord i stugun rtA i 1861, og styrde denne garden til sin død. Born: Torleiv 1842-1933 bonde i Grøv, øli 1844 g m Ivar o Jordheim, bonde på Riste i Valdres, Svein 1846 bonde i nørde Grøv, Ola 1848 rtA, Ola 1850-99 rtA, g m Barbo Storeide 1866-1955, Endre 1852 rtA 1879, g m Guri Storejorde 1859-1942, Ingvar 1855 rtA og vart burte der, Birgit 1858 rtA. Torleiv fekk garden g 1878 m Sigrid T. Ålrust: Ingerid 1872-75-3 død av brandsår, Ingvar 1879-1962 bonde i Grøv, Ingerid 1883-1948 g 1907 m Halvor T. Løkji, Tore 1885-1959 var ei tid bonde i Hensrud, men kjøpte seg so gard på Nedre Eiker, Svein 1888 d, Ragnhild 1890-1975 g m Ola T. Båste. - Gamle Torleiv Grøv gikk frå stølen Nyset og heim i Grøv utan å kvile ei einaste gong då han var 90 år gamal. Ingvar fekk garden, g 1907 m Ingerid Knutsdtr Intelhus 1881-1972. Etter utskiftningen i Grøv, fullförd 1912, fløtte Ingvar husa ned på Haugen, dei kalla, eit stykke nord ned, omkring 1915. Bygde ny stugu 1914, ny bu i Gravset 1927 og dyrka upp ein god del. Ingerid tente vinteren 1905 i Lier, var budeie og hadde 8 kyr å stelle, arbeidde frå kl. 6 til 22 og hadde kr. 15 for månaden i løn. Ho fekk diplom for veving og bunding på ei husflitsutstilling for Buskerud fylke 1924 og som premie ei stor sylvsleiv (dessertskei). Det var berre ei til i heile Hallingdal som fekk sama premien. - Borna til Ingvar og Ingerid: Torleiv 1910-13-3, Knut 1911 bonde i Grøv, Sigrid 1915 g 1934 m Knut A. Grøthe. Knut overtok garden 1937. Har bygt nye uthus 1963 og har dyrka upp mange mål på stølen.

Grøvsbakko

På Grøvsbakko. Bygselbruk.

Låg vissnok uppe på hjallen

ovafør det nye Løkji skulehus bygt 1907.

Her budde ei tid Nils Nilsson Vipe 1786-1874-88 g 1817 m Margit Bjørnsdtr Skølt 1788-1852-64 f på Ullsåk. Sjå Ullsåk 62-10, der dei budde til slutt. So budde her Halvor Nilsson Vipe f 1815 av foreldre Nils Nilsson og Birgit Larsdtr. Han vart g 1841 m Olaug Halvorsdtr øvre Ullsåk f 1814. Dei hadde: Anne 1842 d, Halvor 1843-1920-77 rtA 1870, Nils 1846 rtA, Nils 1850 rtA, Anne 1854-56-2, Anne 1858 rtA. - Halvor og Olaug budde på Ullsåk 1842, i Vipe 1843, og kom so til Grøvsbakko. Dette bruket var lite og tungvint. Dei laut dra kvar pinne dei brende, lange vegar. Onninga var uviss, og mykje av foret laut dei dra heim på kjelke. Når Halvor kom trøytt heim frå skogen, var han motlaus og kunna seie til Olaug: «Det æ før slitsamt her. Me får dra te Amrikka me med!» Men då Olaug hadde sett på bordet det beste ho visste, og Halvor hadde ete seg mett og god, vart han lysare til sinns: «Å me leva no her med me, e o du Øløg!» Men då eit par av ungane hadde fare over blåmyra og skreiv heim om kor bra dei hadde det, pakka Halvor og Olaug sakene sine og drog over dei med. Det var i 1873. Sonen Halvor vart i 1868 g m Gunvor Andresdtr Intelhus 1843-1916-73. Dei heldt til på Grøvsbakko ei tid og fekk her dottaa Olaug 1869, men rtA i 1870 og busette seg i Walcott, North Dakota. «Gunvor var først kjent med en gutt her av bygden, som ikke fikk lov av sine foreldre til å ekte henne. De måtte tømme skilsmisens malurtsure beger, varme ungdomshjerter ble revet fra hinannen. Smerten de måtte lide, ei ikke beskrevet på nogen tavle. Dog gleden de delte, og sorgen de bar, sivet ut i bygdesnakket og blev endelig hengende fast i denne bok. Sorgens byrde var for tung til å sige ned i glemselens store intet. Gunvor fløi mot vest, gutten mot øst. Hver av dem fant en annen» (HF).

Grøvshaugen

På Grøvhaugji. Bygseiplass.

Dette bruket låg truleg «ned på haugji» der mellomste Grøv vart bygt etter utskiftningen. Her budde Knut Jordheimseigo eller Tørkjellhaugji 1790-1839-49, g 1820 m Anne Mekkelsdtr. Knut vart kalla «Knurrr». Dei hadde ei dotter Barbo 1821 g m Elling Myte. Knut og Anne var dei siste uppsitarane på Grøvshaugji, kanskje ogso dei fyrste, meinte Semlen.

Andre som budde i Grøvsrenden:

Knut Knutson Grøv d 1745 2 år gamal. Barbo Aslaksdtr Grøv 1765, 80 år. Sigrid Jonsdtr Grøv 1780, 50 år. Legdslem Ola Olson Grøv 1817, 44 år. Torleiv Embrikson Grøv 1833, 22 år. Halvor Olson Grøv 1836, 85 år. Ola Olson Grøv 1836, 40 år. I skattematrikkelen 1647 er garden skyldsett som øydegard, eigar Wilhelmb Jndtellhus.

Dei fyrst nemnde i kyrkjebøkene er ein Ola Olson Intelhus med kone Kari og 4 døtrar: Margit 1704-91-87 g m Jakob Olson Skar, Ragnhild 1706, Kari 1708, Margit 1711.

So kjem Ola Olson Markegølo g 1726 m Ragnhild Olsdtr. Dei budde på Markegølo fyrst. Born: Guro 1726, Ola d.e. fekk Markegølo, Margit g m Knut Andreson Hesla, Kari 1737-42-5, Ola d.y. fekk Intelhus, Kari 1742-90-48 g 1759 m Ola Hansson Eikre, Ola 1745 d, Ingerid 1747. Ein Ola Hansson Intelhus vart i 1750 g m Margit Oddmundsdtr Gøe (Gudi) frå Valdres, fløtte til Markegølo (sjå der). Deretter kom ein Ola Olson, truleg son til ovannemnde Ola Olson og Ragnhild Olsdtr. Han døydde i 1802 kring 65 år gamal. G 1) 1755 m Gunvor Andresdtr Torset 1734-57-23. Barnlause. G 2) 1758 m Barbo Andresdtr Torset, syster til fyrste kona. «Mine tipoldeforeldre» HF.) Born: Ola 1759 bonde på Intelhus og Intelhusbakko, Gunvor 1761 g 1793 m enkjemann Mekkel O. Ullsåk, Margit 1764, Andres 1766, Ragnhild 1769-1865-96 g m Svein Hølle, døydde i Løvehaugji, Nils 1774, Aslak 1777, Gunvor 1780.

Ola fekk Intelhus g 1794 m Guri Olsdtr Bakke 1774-1845-71. «Mine oldeforeldre» HF.) Dei kom seinare til Intelhusbakko. Og då sonen Vesle-Ola kom til Jordheim, fekk dei bu på hans eigedom Døkk vestafør elva. Guri prata ofte i veg radvindare enn noken kunna følgje med, so det jamt vart noko tvifalt. Eingong ho hadde bore med seg ei stor mjølkeflaske (treflaske som dei brukte den tid), fortalde ho slik om dette: «Denne bar e radt oppå bergji ei gøng det va slik vind i ei teine.» Ho brukte ha med seg handtein og spinne mea ho gjætte. So sa ho: «E spann i desse tvibandvøttutn mea e gjætte på handteine.» Ei kone kom til å nemne ved Guri at ein av ungane hadde rivi sundt klæa sine. «A nei detta va kji so fælt, men de skulde ha sett han Andres vår, koss han hadde rivi sundt trøya si ei gøng det va messe på ølbøga!»

Borna til Ola og Guri: Ola 1794-1827-33 bonde på Intelhusbakko, Barbo 1796-186973 g 1817 m Hans Flaten i Lio, Ola 1798-1872-74 bonde på Jordheim, Gunvor 1800 d ung, Gunvor 1803 g i Valdres, Andres 1808-25-17, Ingebjørg 1810-90-80 g m Ola Andreson Mølnarsletten, Ragnhild 1812-77-65 g m Knut Knutson Brubakklykkjun i Bagn, Valdres. Knut døydde kring 1881. Om Knut, son til Ragnhild, opplyste folkehøgskulelærar Olaus Islands moen at han var ein av dei største handelsmenn i

Valdres. Han døydde i februar 1925 hjå sonen Hans Knutson på Kolbotn ved Oslo, kontormann ved telegrafstyret. Kjøpmann Knut Knutson var g m Sigrid Islandsdmoen, farsyster til Olaus. Islandsdmoen fortalde vidare at Kristi, ei syster til Ragnhild, budde og døydde ugift hjå Ragnhild. Ho var eit uvanleg fint, stillfarande og hjelpasamt menneske. Men korkje tradisjonen eller kyrkjebøkene i Hemsedal nemner henne. Ingebjørg var fødd på Bjørkum i Lærdal der Ola og Guri heldt til ei tid. Andres vart upp kalla både på Jordheim og Flaten. Han var på eksis samen med Eivind Grøndalsdøkken, skyldingen sin. Eivind fortalde at han Andres var so snill, so naturgod, men svakeleg. Som so mange av dei snille, gode ungdomane, var han ikkje liv laga lenge. «De høstes inn så tidlig, mens ugraset, skøierne, rampen kan glede sig ved livet. Hvorfor? Ja hvorfor?» (HF). Dei neste på Intelhus var Knut Person frå øvre Ålrust 1757-1849-92 g 1792 m Anne, dotter til Svein og Barbo Løkji, 1773-1818-45. Dei budde fyrst i Lykkjun nokre år, 1795 er dei i Ålrust, og i 1803 er dei komne til Intelhus: Ola d.e. 1793-1877-84 bonde på Intelhus, budde so i Gronke, på Storejorde og i Gol, Barbo 1795 g 1815 m Hans Jordheim, Per 1798 gift til Langehaug, budde sea i Skrukkelien, Barbo 1801 g 1822 m Oddmund Markegølo, Svein 1803-91-88 g m enkje Anne Vannevikken, Knut 1805 g 1844 m Ragnhild P. Engjo, budde på Vestafør i Gol, fløtte so til Kvitehaug i Ranheimsgardo i Aurdal, Ola d.y. 1807-96-89 bonde på nordre Intelhus, Ingerid 1812-96-83 g 1841 m Jørgen Olson Herska i Gol 1813-60. Dei rtA. Born: *Ole, Knut, Barbo, Peder, Anne, Birgit og Olaug*. Ole i. Hertsgaard, som han skreiv seg (1842-1901), vart g 1876 m Kari Haugstad (1847-1906). Born: *Jørgen, Tideman, Oscar, Inga, Oscar Ingeleif, Conrad og Ida*. Sonen O. I. Hertsgaard f 1883 har gjesta gamlelandet mange gonger og har fått hedersnamnet «Hallingkongen». Ola d.e. fekk Intelhus, g 1827 m Kari Torleivsdtr Høltegard frå Gol. Streva med garden nokre år, men det gikk nedover økonomisk. Folk vilde ha det til at kona hadde skulda, for ho hadde vore mykje «uttafør» og forsto seg ikkje på gardsstell i Hemsedal. Han måtte selja garden til brørne sine, Ola og Andres. Dei delte garden slik at Ola fekk hovudbølet, og Andres bygde ny gard sunnafor. Ola og Kari budde ei tid i Gronke (sjå «Hemsedal» s. 56/65), dei kalla han då «Gronkjin». So budde dei på Storejorde og til slutt i Gol. Ola fekk postberinga frå Gol til Ål. Det er fortalt at futen vilde få han til å gå eit ærend for seg på ein av desse turane. Ola vilde ikkje. Futen vart sinna og bad han reise til helvete. «Det vørte ein krok før me det, som ska gå med påste,» svara han Ola. Ola og syskinlaget hans var småpussige, men for lognt og stilt med det. Ola d.e. og far hans slost eingong med ein bjørn i Helsingvatne. Dei kom inn på han, slo til han med ei år og kjasa med han for å få han under. Bjørnen kom seg til lands, men var so utasa at han skjangla, likevel kom han seg til skogs. Ola kom til Intelhus att som gamal og døydde der. Borna til Ola og Kari: Anne 1829, Knut 1831 budde på Leikvøll i Gol, sersjant og landhandlar, Anne 1834 rtA, Tore ca 1837 rtA, Torleiv 1847 kråmbukar hjå Knut ei tid, rtA.

Nordre Intelhus

Gnr 57, bnr 1, Inr 580 a. På Intelhus.

Ola d.y. fekk hovudbølet, g 1) 1835 m Liv Dølehuso 1811-40-29: Knut 1835 d, Knut 1836 rtA. G 2) 1845 m Ingerid Olsdtr Døkk ved Finnset 1814-97-83: Ola 1846 d, Anne 1847 g m Halvor Skar på Ullsåkteigji, Ola 1850-95-45 ugift, døydde på Rikshospitalet, Knut 1853-1939 bonde på Intelhus, Svein 1856-97-41 fehandlar, døydde av tæring. - Ingerid tente på Hadeland eit vinterhalvår kring 1840. Gikk heile vegen fram og attende, hadde berre 3 dalar i løn, og for desse kjøpte ho seg ein rokk, som ho bar heim att med seg (fortalt av sonedottera Ingerid Grøv). Sonen Knut fekk garden, g 1880 m Margit Jonsdtr Hallbjørshus 1857-1940: Ingerid 1881-1972 g m Ingvar Grøv, Ola 1883-1917-34 bonde på Intelhus, Jon 1886-1967 starta landhandleri i det gamle skulehuset ved Løkji då det nye på Grøvsbakka vart teke i bruk, og dreiv dette landhandleriet til samvirkelaget kom, Embrik 1888 rtA 1911, men kom heim att for godt 1932 og bur no i det gamle skulehuset ved Løkji samen med Barbo, syster si, Barbo 1890 g 1931 m kontormann Johan Berg, Oslo, ho kom heim att då han døydde ein tre års tid etterpå, Anne 1893 g 1919 m Sjugurd S. Kyrkjebøn, Svein 1897 d, Svein 1898 d. Ola fekk garden, g 1911 m Birgit Sveinsdtr Jordheim 1888-1974. Ola fekk meningitt og døydde 34 år gamal. Born: Knut 1911, Svein 1914. Birgit styrde garden til sonen Knut overtok i 1946, g 1949 m Ragnhild A. Jordheim. Knut bygde nye hus på stølen 1933 og heilt ny gard heime med nye uthus 1940 og nytt bustadhus 1945, dyrka dertil upp mykje jord. Den nye vegen vart lagt eit lite stykke ovafor der dei gamle husa sto. I 1953 selde han garden til Svein, bror sin, fløtte til Jordheim 65-8 og tok over foreldreheimen til kona (sjå der). Svein vart i 1946 g m Harbo i. Huso f 1919. Ho var einebarn, so Svein fløtte til Huso og vart bonde der til han kjøpte garden av bror sin. Born: Ragnhild 1947, Ole 1949, Jorunn 1950, Bjørn 1962. Svein kjøpte øvre Hensrud av Engebret K. Markegård 1957 og har dette til beitemark. Ole overtok Intelhus 1973. G 1972 m Ruth-Anne Kirkebøen f 1951: Britt Reidun 1972, Svein Ove 1974.

Søre Intelhus

Gnr 57, bnr 2, Inr 580 b.

Andres frå nørde Intelhus bygde opp denne garden etter delinga. G 1839 m Velgjerd Venåse frå Jordheim 1816-1907-91: Knut 1839, Einar 1840-1925 bonde på søre Intelhus, Anne 1841, Gunvor 1843-1916-73 g m Halvor Grøvsbakko, dei rtA, Oline 1845 d, Barbo g m Per Rese, Per 1848 d og tviling broren Per 1848, Ragnhild 1859-7617, Rangdi 1862-84-22 drukna ved Løvehaugen. Ho var onnegjente i Løvehaugji sommaren 1884. Då dei slo burte på heimstølen (Moen) vesta åne den 17. juli, regna det svært, so ænane fløynde opp. Det var ei klopp der, og Rangdi skulde gå over og stelle til dugurds. Ho sette riva frå seg då ho gikk ut på kloppa. Men utpåkomen glei ho ned i åne og drukna. Dei fann henne att ned for Gamlehaugji i søre Lien, der vart ho hangande i ein stein. Per Sletten vadde uti med eit reip kring livet og fekk henne til lands. «Min farbror Torleiv fikk det tunge hverv å bringe budskap om det til hennes mor, som den sommeren sat på nørde Hustad-støle på vestre Storeskar. - Søsteren Ragnhild var den første som døde av det konfirmasjonskull jeg tilhørte fra 1874. Hun ble tvert syk en gang hun sat i kirken» (HF). Einar fekk garden, g 1872 m Birgit Embriksdtr Gunnvaldgarde 1844-1931: Andres 1872-1959 bonde på Intelhus, Embrik 1874, Velgjerd 1876-1916-40, Knut 1877-1937, Ingebjørg 1880 g m Einar Asleson Torset, Ragnhild 1883 g 1911 m Olav Eirikson Huso i Lio, Ola 1885 d ung, Ola 1888 d. Knut var «lite før se», som dei seier, og dugde ikkje stort til arbeid som kravde omtanke. Men han hadde ei merkeleg evne til å ordleggje seg vakkert. Det var vel for det meste ei etterherming av det dei vaksne sa, men han sa det fram so vakkert at det var ei rein nytting å høyre på det - ein «Blomster-Ole» i målvegen! (OR). Andres fekk garden. Han var ute for ei merkeleg hending ein vinter (1918) han skulde til Gol med varelass. Ved den bråtverre svingen inn på den gamle Ro-brua sklei sleden på halka, støyte mot rekkverket, og han Andres vart slengt utfor og datt ned på isen, kring 10 meters fall. Men det var bra med snø under, og han hadde ikkje noko mein av fallet. Andres selde i 1926 ei slätte han hadde i Markegardslío til. Tomas K. Myte. For ei rettighet han hadde i Gol kommuneskog fekk han i 1935 tildelt omlag 90 mål barskog. Han dyrka opp ein god del på garden. G 1920 m Kari Olsdtr Jordheim (Nygard) 1893-1969: Einar 1921 bonde på Intelhus. Einar overtok garden i 1950, g 1951 m Maria N. Finset. Han bygde nye uthus 1950 og nytt bustadhus 1952, nye hus på stølen 1958 og två utleigehytter. Har dyrka opp mykje jord heime, på stølen og i ei slätte han har. Born: Andres 1953, Kari 1956, Margit 1962, Ellen-Marie 1967. Andres g 1975 m Lill Iren Mørch Husum.

Intelhusbakko

Gnr 57, bnr 6, lnr 582.

Etter det kyrkjebøkene syner og etter det folk har fortalt, kom Ola Olson Intelhus (1769-1840) og Guri, kona hans, til Intelhusbakko. Men etter kyrkjebøkene har ogso bygdelensmann Svein Hansson Hølle 1764-1826-62 g 1793 m Ragnhild Olsdtr Intelhus 1769-1865-96 butt der. Bruket var lite den tid. Men Ola og Ragnhild var syskin, so dei två huslydane semdest nok med kvarandre dei åra dei budde i lag. Frå Bakko kom Svein og Ragnhild til Ullsåk 62-9. Borna deira: Anne 1794-1825-31 g m Knut Herbrandson Trøym, Hans 1797-1881-84 bonde i Løvehaugji, døydde i Lien, Ola 1800-16-16, Barbo 1803-89-86, gift tre gonger, budde på Storejorde. Den eldste sonen til Ola og Guri, Ola Olson 1794-1827-33 g 1824 m Guri Reiarstr Reiargarde 1801-52-51 budde deretter på Bakko. Dei fekk borna Gunhild 1825, som døydde sama året, og Gunhild 1826 som vart buande på Hedemarken (sjå Reiargard). Som enkje vart Guri g att 1831 m Ivar Turrhaug, som var komen frå Embrikgarde. So kom det ei ny slekt til Intelhusbakko: Ola Knutson Vøllø 1797-1884-87, VesleVøllen dei kalla, g 1830 m Mari Andresdtr Hallen 1806-93-87. «Jeg minnes Ola gikk i den gamle drakten: rød, stutt vest, svart sidtrøie, svart knebrok. Jeg fulgte ham et stykke på kirkeveien høsten 1879. Han vilde til kirken og gå til alters. Mulig hans siste kirkereise. Synet var svakt, han kjente sig ikke ved Trøym, enda veien gikk like inn til stueveggen der. Det må være trist når det mørkner mot livets kveld. Ola var litt tuslen da, men frimodig. Det lot ikke til at han gruete for den lange natt, som holdt på å senke sig over ham» (HF). Borna til Ola og Mari: Andres 1830-1907-76 bonde på Intelhusbakko, Margit 1834 g 1873 m lærar Eirik Stensgård, Gol, Knut 1838-1916-78 bonde i Hensrud, Guri 1842 g 1866 m Torleiv Hensrud, dei rtA 1870, Åse 1845-ca 1915-ca 70 g 1877 m lærar Eirik Stensgård (Margit må ha falle tidleg burt), Birgit 1848 g 1878 m Jakob Stensgård, Vidden i Gol. - Eirik Stensgård var lærar i Engjo og Sørbøl skulekrinsar i Gol, han budde på Grangarde i Liogardo. Jakob og Birgit budde på Vidden, og dotter deira vart g m sløydlerar Johannes Grimsgård, Nes, d 1918, dei budde ei tid på Grimnska (Grimsgard). Andres fekk garden, g 1863 m Åse Bjørnsdtr Løkji 1838-1901-63. Dei hadde: Ola d.e. 1864, ugift, Mari d.e. 1865 g m Per Bjørnson Løkji, dei hadde 12 born, Mari d.y. 1867 g m Knut Trøo, dei hadde 7 born, Bjørn 1869 g 1894 m Randine Rusten frå Gudbrandsdal, dei fekk tre born, Ola d.y. 1870-1917-47 g m Ida Jansen i Amerika av Sogne-slekt, hadde 5 born, Ola sette livet til i ei ulykke, Halvor 1872-84-12, Knut 1873 g i Amerika, hadde 12 born, Guri d.e. 1875-77-2, Guri 1878-1944 g m Jon Nilsson Jodøkk, 5 born, Torleiv 1880-1957 bonde på Intelhusbakko g m Olaug Oddsdtr Ålstveit (Flato) 1879-1936. alle borna som nådde vaksen alder, drog over til Amerika. Bjørn - som kalla seg Ben over i

Amerika - var ein flink arbeidskar og vart med tida ein velståndes mann. Han hadde sterke religiøse interesser, og då det skulde byggjast bedehus i Hemsedal, sende han ei gåve på kr. 25 000. (Aagot Raaen har skrivne hans livssaga i «Hallingen» 1949 hefte 147 s. 17 flg. Her er det og bilete av han og kona hans.) I 1901 kom det brev frå Hemsedal at mor hans var sjuk. Han skunda seg i veg og kom til Hemsedal julekvelden. Då var mor hans nettopp død. «Han hadde gledet seg til å få se morens kjærlige øie ennu en gang, men da han kom hjem, var det brustent. Det er ikke noget så fint å se som mors øie, for gjennom det stråler verdens reneste kjærlighet. Han hørte til en sympatisk barneflokk, med lyse, åpne blikk, en teint så lys og smukk som kun finnes hos enkelte blant nordens folk. Bjørn kom heim seint julekvelden, nettopp da familien sat tilbords. Blev stående en stund ute på tunet. Mor hans leste og sang alltid efter måltidet julekvelden. Han stod og ventet å få høre mor synge også i kveld. Men hørte ikke den stemmen. Undrest. Kan hende strengene på den harpen er brustne for alltid? Så går han inn. Gråten løsnert av vemod hos alle. Enn mor da? sang hun ikke i kveld? Ikke her nu! Nu «grev hun tonen i det store kvad for tronen». Hun var død næst før jul. Brevet hadde ikke nådd Bjørn før han reiste» (HF). Torleiv overtok Bakko. Men då Bjørn kom heim att andre gongen i 1924, fekk Torleiv hug til å reise han med og selde so garden til lærar Lars Eikre. Laurdag 11. oktober var det auksjon, og lausøyret vart spreidd til alle kantar. Det var då 21 år sea ein huslyd frå Hemsedal hadde reist til Amerika (Tore Eikre med huslyd). Borna til Torleiv og Olaug: Anne 1903 g 1927 m Jakob K. Torset, farmar, Andres 1904 bygningsnikker g 1949 m Ester Holden, Odd 1907-25, Gunvor 1910-58 g 1936 m postekspeditør Eirik i. Grøthe i Minneapolis (Eirik g att m Vera Skytte), Mari 1914 misjonær g 1951 m Jose Pessoa frå Portugal. Både Ester Holden og Vera Skytte var av svensk ætt. Lars Eikre 1871-1940, lærar frå 1894 i Løkji og Torset skulekrinsar, overtok Bakko 1924 og budde der. G 1908 m Kari Sveinsdtr Jordheim 1885-1949. Lars Eikre var ein god lærar, som gikk upp i arbeidet sitt med liv og sjel. Han la ein god grunn for vår kunnskap og vidare utvikling. Serleg minnest eg at han alltid la vekt på at me skulde forstå lærestoffet. Han oppmoda oss støtt til å fortelja att leksene med våre egne ord og på vårt eige målføre. Og det hjalp utruleg godt. Me vart nøyde til å arbeide med stoffet, so det ikkje berre vart pugg. Då eg gikk for presten, la eg merke til at me frå hans skulekrins var av dei beste i so måte og hadde ein stor fyremun ved at me følgde denne metoden (OR). Lars bygde nytt bustadhus på Bakko og dyrka upp 15 mål på Skarsstrønden, kjøpte tre slåtter i Lykkjun, Turrhaugmyr og ein skogrem i Vestlien, som far hans hadde ått. Born: Rasmus 1909 g 1940 m Ingerid S. Gunnvaldgård, driv Hemsedal Maskinlag, Svein 1910 g 1940 m Kari K. Bakke, overtok garden, Guro 1912 g m Eivind Hollebakken i Ål, budde i Oslo nokre år (dotter *Emma* 1930), Ola 1914 g 1950 m Tora O. Fløgo, Gunhild 1916 g 1938 m Knut O. Granheim i Gol f 1904, han har det halve av Granheimgarden, sagbruk og køyrer drosje (born: *Olaf* 1938, *Lars-Kåre* 1940, *Kjell* 1943, *Svein* 1945), Lars 1918 g m Annie Mathisen, Halden, er overingeniør ved saugbruksforeningen, bur der (born: *Arne* og *Erling*), Per 1921 g 1951 m Barbo N. Finset, Arne 1923 handelsstyrar i Veggli, g 1949 m Torbjørg O. Flaget (born: *Karin*, *Leif Ottar*, *Morten*), Margit 1925 lærarinne, g m Gunnar Telle frå Hamar, tannlækjar i Kirkenær, Solør (born: *Lars Ingvar*, *Kari Lise*, *Solveig*), Olav 1930 driv som malar i Hemsedal. Svein overtok garden 1940. Bygde nyehus på stølen 1945-50, reidskapshus 1953, uthus 1962 og hytte til utleige på stølen. Dyrka upp mykje heime og i slåttene. Kjøpte omlag 15 mål i Juvestølslåttun for kr. 2500 av Engebret Hallbjørshus og bytte Hermannsslåtta i Markegardslío i ein skogteig på Fekjo ved Linkjedne som tilhørde Svein Hallbjørshus. Svein gikk Buskerud Landbruksskule 1928-30 og har vore mykje nytta i offentlege gjeremal. Ordførar i Hemsedal 1960-75. Born: Lars 1941-62, Kari 1945, handelsskule, ekspeditør på Hemsedal samvirkelag ei tid, g 1965 m maskinkøyrar Sverre Bakko frå Lykkjun. - Lars miste livet ved ei motorsykkellulykke sommaren 1962. Han kom køyrande ovafrå stølane og skulde heim att. I ein sving like nedafor Gravsetmyrane skar sykkelen ut, og han vart slengt mot ein granlegg og slo seg i hel. Då Svein miste den einaste guten, odelsguten, selde han garden til muermeister *Iver H. Jones*, Oslo, i 1963 (for kr. 150000) og bygde seg eit hus på eiegen Sletto nær ved kyrkja på ei tomt han fekk av broren Rasmus «Slettåker». Der bur ogso Kari og Sverre. Svein heldt attende skogteigen i Vestlien. Iver Jones bygde ein stor og flott bygnad på Bakko og bustad for gardsstyrar. Fyrste gardsstyraren vart *Halvor S. Hallbjørshus* f 1934, g 1962 m Ingrid G. Embrikgård frå Lykkjun f 1931. Ho har realskule og handelsskule og bae två var i mange år ekspeditørar på Hemsedal samvirkelag. På Bakko har dei drive med geiter og sauer. Born: *Ragnhild* 1963, *Sveinung* 1966, *Gunnar* 1970. Jones selde att Bakko 1967 for kr. 500 000 (med støl, skogar, Myreslåtta i Lykkjun, Skarsstrønde, Juvestølslåtta og Gørmyre) til direktør *Roald Håkonson Jøtun* i Bærum, f i Oslo 1925. Far hans var frå Oslo (1896-1964), og mora var frå Stensrød i Råde. Roald vart g 1948 m *Elinore* Carlsen, Oslo, f 1921 av foreldre formann Johannes-Edvard Carlsen f 1892 i Halden og Hulda Wilhelmine f i Sverige 1895. Borna til Roald og Elinore: *Merethe* 1950, *Anne* 1955, *Hilde* 1958. - Jøtun har planert mykje på tunet og rundt husa og bygt eit staseleg stabbur. Garden ruver no som ein av dei vakraste i grenden.

Hensrud

Plassmann sander Asleson Torset 1763-1815-52 (son av bygdelensmann Asle Andresson Torset g 1740 m Margit Arnesdtr Høvtuno) g 1812 m Anne Olsdtr (f 1786) budde i Hensrud, sander døydde på ein Torsetplass. Dei hadde: Margit 1812 g 1836 m Ola Larsson Grøto på Ullsåk, Ola 1814-16-2. So har me Torleiv Embrikson 1789-1841-52 g 1) 1817 m Anne Olsdtr Ullsåkplasse d ca 1832. Budde ei tid i Høvdæ på Torset, sea i Hensrud: Kari 1820, Margit 1822-94-72 g m Ola T. Eikre, Embrik 1815 bonde i Hensrud, Ragne 1827 d (foreldra budde då på eit Fauskebruk), Ragne 1828 g 1851 m Hans Torleivson sagabrøta i Gol, Dis 1830. - Torleiv vart g 2) 1835 m enkje Ragnhild Øysteinsdtr Hølleigo, d 1838 kring 60 år gamal. Sonen Embrik Torleivson 1815-93 overtok bruket, g 1840 m Barbo Ivarsdtr søre Myte 1814-84-70. Dei rtA i 1870 med borna sine: Torleiv 1840-1907, busette seg i N. Dakota, g 1) 1866 m *Guri* Olsdtr Intelhusbakko 1842-86 (dei hadde 10 born, i Noreg: *Barbo* 1866-1949, *Mari* 1868-1960, *Anne* 1869). Torleiv g 2) 1887 m *Guro* Eikom (7 born), Anne 1842 g 1870 m Embrik Ingvaldson Lykkjebakko d.e. (9 born), Ivar 1847-1935 g 1870 m Gunhild Bjørnsdtr Rustehaugji 1849-1931 (11 born), Kari 1849-1933 g 1874 m Simon Thompson (7 born), Ola 1851-1922 g 1877 m Inger Randina Hillson (10 born), Margit 1856-1940 g 1876 m Halvor Thompson (9 born), Embrik og Barbo var foreldre til 6, besteforeldre til 63, oldeforeldre til 276, og i dag (1975) reknar ein med at meir enn 2000 ættlingar lever i Amerika. Mange var med i andre verdskrigen og minst 4 fall. (Etter opplysningar frå slektningane i Amerika ved Per Engene.) Bror til Guri, Knut Olson Intelhusbakko 1838-1916-78, kjøpte so Hensrud. G 1871 m Guri Mekkelsdtr Ålrust 1835-1915-80: Ola 1872 d. Knut var skinnfeldmakar, reidde skinna og sydde dei ihop til feld. Det gikk 6 saueskinn til ein feld, som var det vanlege sengeplagget i eldre tid. Då Knut og Guri vart gamle, selde dei Hensrud til Torleiv Torleivson Hødn 1861-1956 g 1894 m Barbo Ivarsdtr Arnegard 1862-1905-43. Han var timremann, hadde lært yrket av far sin og dreiv det like frå unge år. Han var ein paliteleg og dugande arbeidskar og sette opp mange hus rundt om i bygden. Born: Torleiv 1895-1936 skreddar i Oslo g 1927 m Sigrid Eriksen, Guri 1898-1906-8, Olav 1899 g 1931 m Laura Engebretsen frå Halden f 1907, bygningssnikker i Oslo, har eige hus på Lofthus, Margit 1901-32 g 1928 m Bjørn Steinbrøta i Gol, dei hadde Hattebrøten ei tid. Barnlause. - Olav og kona hans vart råka av ei fæl bilulykke i 1960. Dei skulde over Uelandsgata ein kveld i september og vart påkøyrde av ein personbil. Båe for på hovudet gjennom frontruta. Olav braut foten og fekk ymse skader so han var arbeidsufør i mest två år, og kona hans braut båe føtene og fekk andre skader. Båe vart liggjande på sjukehuset i lang tid og fekk varig mein av ulykka. Laura er no død for nokre år sea. Borna til Olav og Laura: *Laura, Tove, Sigrid, Bjørg*. I 1917 selde gamle Torleiv Hensrud garden sin til Tore Torleivson Grøv 1885-1959 g 1915 m Barbo Knutsdtr Berge frå Valdres. Tore var også fehandlar. Kjøpte timreskogar av Grohaug og sette opp ei andelssag nedafor vegen «Lina») sammen med Ola i. Prestgardhuso, Svein I Skølt. (nedlagd 1952). I 1924 selde Tore Hensrud til Ola A. nørre Ullsåk og kjøpte seg att gard «uttafør», garden Vines på Nedre Eiker. Born: Torleiv 1918, Knut 1920, Torbjørn 1922. Ola Ullsåk fløtte til Hensrud 1929 og vart sama året g m Birgit F. Ullsåk 1884-1967. Bygde nytt fjøs og ny låve 1928-30. Då Ola og Birgit vart gamle, selde dei Hensrud i 1954 til *Engebret K. Markegård* i Huso for kr. 34 000. Han selde so att øvre Hensrud til *Svein O Intelhus*, som nyttar det til beitemark, men tok undå stølen og det som var nedafor riksvegen.

Turrhaug

Nedlagt bygselbruk.

Låg nedst på jordet til søre Intelhus.

Her budde Ivar Ivarson Embrikgarde g 1) 1829 m Kari Bjørnsdtr Jodøkk, 2) 1931 m enkje Guri Reiarisdr Intelhusbakko frå Reiargarde (sjå der).

Seinare budde Jon Knutson og Margit Ivarsdtr Vøllø der (sjå Vøllø). Ambjørg, dotter deira, g m Vilhjelm Helgesen budde der seinare (sjå Furuheim).

Andre huslydar i Intelhusgrenden:

Jakob Olson Intelhus (f på Markegølo 1709) g 1733 m Margit Olsdtr. Barn: Ola 1734.

Hans Knutson frå Jordheim 1724-73-49 og Kristi Olsdtr. Dei hadde butt på Torset før: Knut 1768, Knut 1769, Hans 1771.

Ola og Kari Intelhus g 1796: Barbo 1796. Andres Olson g 1) 1794 m Margit Torleivsdtr Ullsåk f 1768, g 2) 1799 m Barbo Toresdtr Grøto f 1766: Margit 1799-1802-3.

Ola Bjørnson Intelhuseigo frå Rusto 1758-1832-74 g m Margit Nilsdtr Rusto f 1755: Bjørn 1790, Kari 1801.

Vidare er nemnd: Livauremann Per Trondson Intelhus d 1834, 64 år gamal. Fattiglem Halvor Halvorson Bakko d 1866, kring 79 år gamal. Ingebjørg Intelhus 1785, 9 år. Ola Olson Intelhus

1745, 5 mdr. gamal.

Søre Hallbjørshus

Gnr 58, bnr 2, lnr 584.

På søre (før nedre) Hallbjørshus. Skriv seg Halbjørshus.

Etter skattematrikkelen av 1647 var garden skyldsett som øydegard, og det var ein *Haagenn* (Håkon) *Holbjørnhuus* som åtte han. I 1664 heitte eigaren Ingvar Jonson, og i eit dokument frå 1688 får me veta at Jon Ingvarson Hallbjørshus, som vel må vera son til fyrstnemnde, har lånt Eivind Øysteinson almst 26 rdl. For det fekk Jon pant i Ålrustengen. Namnet Jon er saleis gamalt på Hallbjørshus, og det er kan hende etter ein Jon der at Jonsstølatn har fått namn. Jon vart g 1) m Gunvor Hallbjørshus, d 1704. På skiftet etter henne 1705 var det på deling 168 rdl eige. Born: Ola 1697, Embrik, Lars, Jorunn g m Per Larsson Løkji, og Birgit g m Torleiv Knutson Ålstveit. Jon vart g att 2) 1705 m Rangdi Sveinsdtr: Gunvor 1706 d, Gunvor 1708 g til Lærdal, Kirsti 1710 g 1) m Ivar Henrikson Jordheim, 2) Tore K. Jordheim, Svein 1711-63-52 bonde på Hallbjørshus 58-2, Sjugurd ca 1713 bonde på Hallbjørshus 58-1, Birgit ca 1718 g m Eirik Eirikson Røtnheim i Gol, Barbo ca 1720-52-32 g m Ola Jørgenson Imre. Jon var bygdelenmann. Han og Rangdi skifta lausøyret sitt i levande live 7-10-1724 med lensmann Arne Høvtuno i Gol, Bjørn Jordheim og Eirik Ullsåk som takstmenn: 1 kaparkjel på 2 pund og 16 merker 7 rdl, 1 kjel på 2 pund 7 rdl, 1 brennevinskjel med hatt, piper og tunne 2 rdl, og vidare 1 gamal massingkjel, 1 massing lysestake, 1 massingbekken, 1 bordring, 1 lysesaks, 2 tinnfat, 4 gryter, 1 steikepanne, 1 takke med ring, 2 takker med kjelringar, 4 tvihakar, 2 meihakar, 2 plogar med jødn og lekkjer, 2 teljebiler, 2 hoggøkser, 3 økser, 1 smiusted, 2 hamarar, 1 smiutong, 1 smiubelg, 1 skruvested, 3 navarar, 1 riflebørse, 2 skjærar (sakser), 2 store kar, 3 røstekar, 2 spissøltunner, 1 sJipestein med jødnås, 1 hestesæle, 2 kløvSalar med bossu (puter), 1 stor mala skal, 4 mindre og 4 umala skaler, 3 pipekanner, 3 leirfat, 1 tinnfat, 2 dusin borddiskar (tretalikkar), 3 øltunner, 3 trøyser, 2 krus, 1 malteholk, 15 sengklede, 2 sengedyner, 4 benkedyner, 2 hynder, 2 vadmalsdyner med høvdela, 1 benkedyne, 1 slett sengekledde, 2 teppe, 10 skinnfeidar, 1 kvitil, 4 dukar, 5 laken, 3 handklede, 1 brun hest, 9 kyr, 1 ukse, 5 kvigjind, 1 svartsidut uksekalv, 6 andre kalvar, 7 vaksne og 14 ungsauer, 8 lamb, 6 geiter. Jon la fram eit skøyte av 4-4-1708 som syntte at han samen med Lars Ullsåk, Asle Torset og Ola Markegøla hadde handla til seg kongstienden i Hemsedal for rdl 40-3-2, av dette skulde buet ha ein fjerdepart. Vidare hadde sønene Embrik og Lars og dottera Birgit «oppebaaret i hjemmegifte og bryllupsgjær» rdl 36-0-8, 25-2-10 og 8-1-4 som skulde først til inntekt i buet. Sonen Svein 1711-63-52 overtok garden g 1744 m Birgit dotter til Halvor Bjørnson og Barbo Aslaksdtr Løkji f 1724: Rangdi 1745 g 1767 m Knut Ullsåk, dei budde i Lykkjun, Barbo 1747, Margit d.e. 1749, Jon 1751-89-38 bonde på Hallbjørshus, Margit d.y. 1753-1810-57 g m Ola Asleson Torset, Halvor 1755-1836-81 bonde på øvre Løkji, Bjørn 1757-1845-88 bonde på Ullsåk og i Skølt, Ivar 1762 g 1791, bonde på Jordheim 65-3. - Birgit vart g att 2) 1760 m Ola Olson Skar f 1742: Svein ea 1766-1830-64 budde på Hallbjørshus og på Storejorde, Kari 1768. Jon fekk garden g 1781 m Sebjørg Olsdtr Markegøla. Mor til Sebjørg var komen frå Gøe (Gudi) i Valdres, og namnet Sebjørg (i Hemsedalsmalføret: Sebber) var kome derifrå. Bestefar til Semlen var bror til Sebjørg, og Semlen rekna skyld med folket på Gøe. Borna til Jon og Sebjørg: Birgit 1783, Svein 1787-1863-76 bonde på Hallbjørshus. - Jon døydde etter berre 8 års ekteskap. Med Sebjørg var enkje, kom det ein sogning, ein handelskar som heitte Per Olson, til å få losji på Hallbjørshus. På ein tur til Drammen hadde han vorte klen i ein fot. Sebjørg stelte om han lenge og så vel at han vilde ho skulde stelle om han for resten av livet, og Sebjørg tok imot tilbodet. Dei vart gifte i 1791. Då Sebjørg syntest det drog noko lenge ut med giftingen, sa Per: «No ska du få det som du vil, men e vil ikkje vera tenestguten din, Sebber.» Per styrde garden, men arbeidde ikkje sjøl. Han sa: «E ska styre garden med augo, e.» På handelsreisene sine hadde han fått for mykje frost i seg. Han var så frosen av seg at han gikk med løen luve midt på sommaren og andre klede i samsvar med det. - Det vart nokre i Hemsedal med Sebjørg-namnet: Ei Sebjørg Hallbjørshus vart gift åt Grøndale, ei Sebjørg Torset til Hesla i Gol, ei Sebjørg Skar rtA, ei Sebjørg Løkji (Brøto) til Torset, vidare ei Sebjørg Vøllø og två Sebjørg Sveinsdtr Ålrust, som bae døydde unge. Per og Sebjørg fekk tre døtrar: Gunhild 1792-1862-70 g m Asle Torset, Margit 1797 d åtte dagar gamal, Margit ukjent fødselsar, g 1821 m Knut Olson Skar, rtA. Svein overtok garden, g m Margit Gudtormsdtr frå Gro (Gro) i Gol d 1855 omlag 63 år gamal: Jon 1818-85-67 bonde på Hallbjørshus, Gudtorm 1820 gift i Valdres og hadde gard der, Sebjørg 1823-1915-92, Per 1825 gift i Valdres, rtA, budde i Blooming, Minnesota, Turid 1828 d ung, Turid 1829-1911-82 g m Asle Grøto, Magnus 1833 d, Magnus 1835 d, Gunvor 1837-1900-63, budde på Ålstveit, Birgit 1840 d, Magnus 1843 rtA. Det var ofte samling hjå Svein, og fleire av borna hørde til dei vakte (OR). - Hallvard Bergh fortel i boka si om «Arne og Live Bergh Ellestad» at Per tente hjå far hans, som var komen frå Gol og hadde kjøpt Ellestad i Vestre Slidre. Per og Arne hørde til dei vakte. Då presten Skaar, seinare bisp, var i Valdres, gikk Arne ofte dei 3 mil til Ulnes kyrkje for å høyre Skaar. Så fløtte Skaar, men kom seinare ein gong på vitjing i Valdres. Maria Sundheim sende bod omkring at Skaar ein søndag skulde halde

samling på Langestøle ved Tessleim. Arne og Per spratt i. Då onnefolka på Ellestad sto upp sundags morgon, var dei två burte. Men måndags morgonen var dei komne att. Dei hadde gange dei 4 mil åt Langestøle, vore på samlinga og eit ettermøte og so gange 4 mil attende, og samen med dei andre var dei med i slåtten måndagen, og jamt tok dei upp att for kvarandre kva Skaar hadde sagt. - Gudtorm var fehandlar og kjøpte fe i Valdres. Han gifta seg der og budde fyrst på ein gard som heitte Haugen, og så på Følenglo (Follinglo). Han kom ikkje overeins med kjeringen sine, som han hadde två ungar med, og reiste frå henne like til Nordland, der han vart verande til sin død kring 1895. Mehlum fortel at Gudtorm var den fyrste som tok hellu (skifer) i Skogshødn, og skal ha levert takstein til kyrkja i Flå. - Magnus, som rtA, skulde vore slik ein omframt vakker kar. Jon fekk garden, g 1852 m Barbo Embriksdtr Torset 1831-95-64: Svein 1853-1924-71, Margit 1857 g 1880 m Knut Intelhus, Ola 1859-1936 bonde i Jodøkk, Embrik 1862-1953 rtA, Jon 1865-1933, handelskar, budde på Hallbjørshus, Knut 1875 -81-6.

Svein fekk garden, g 1882 m Margit Persdtr Grøv 1860-1905-45. Det er sama ætta som i rett nedstigande line har siti på garden så lenge som kyrkjebøkene går. Ein god gard er det, og ei god ætt har styrt der. Margit døydde brått på Jonsstølo laurdag 12. august 1905, nettupp som slåttelyden hadde gjort seg ferdig og reist heim att i bygda. Sundag den 13. august, med avstemningen om unionsuppløysinga gikk for seg, drog det eit stille tog frå Jonsstølo og heim til Hallbjørshus, det var avlidne Margit som vart førd heim. Borna til Svein og Margit: Barbo 1883-1925-42 g 1909 m Ola Halvorson Grøndale, Jon 1884-1956 hadde garden 1824-28, ugift, Margit 1887-1960 g 1912 m Tore P. Ålrust, Per 1888 rtA, kom heim att 1948 og døydde på Bygdaheimen 1959, Anne 1891-94-3, Sven 1893 rtA, kom heim att 1924 og vart g 1925 m Kari, enkje etter Knut Grøteteigji, f Løkji (Brøto) 1895-1974, Knut 1895-1960 reiste til Canada, ugift, Anne 1898-1966 sjukleg, Embrik 1904, reiste til Britisk Columbia, ugift. Sven, som han skriv seg, var fyrst bonde på Grøteteigji 1925-28, men kjøpte så farsgarden av Jon, bror sin. Han har vore ein driftig og framsynt bonde, sterkt interessert i å betre kåra for fjellbøndene, auke avlinga og ala upp god buskap. Han har dii ogso hatt den hugnad å sjå det vekse munaleg fram. Han dyrka og bygde upp heilt ny støl 1933-34 og bygde hytte til utleige 1937. (Då kosta byggjearbeidet påhytta kr. 370, snikking av 2 dubbelte og 4 enkelte senger kr. 130, og medelinnkoma for denne garden 1929-34 var kr. 2433.) På ein stukk i den gamle låven på Hallbjørshus (riven 1948 og gjeven til Bygdatunet på øvre Løkji) sto innskorne årsavlingane av korn 1806-10: 9, 8, 9, 3 (i året 1809) og 17 tunner. Det var småe avlingar. Reknar ein ei åkervidd på 18 mål, burde ei normal avling ha vore 30 tunner. Åkeren på Hallbjørshus var rekna for å vera av dei mest årvisse for frost. - Svein bygde store, solide uthus 1948, bustadhus 1956, selde ei hyttetomt på stølen 1946. Kom med i styret for det nyskipa meieriet det fyrste året og vart attvald året etter - etter lutdraging med Per Markegård - og var so med i samfulle 31 år. Ved 25 års jubileet og då han slutta fekk han ei ven påskjøningsgåve som takk for velgjort arbeid. Han har vore historisk interessert og har fortalt at Anne Leirehaugji (1790-1878) visste om ei fæl hending som bar til på Hallbjørshus i gamal tid: Ein nordmannsgut (sogning) som tente på Hallbjørshus, vart uven med husbondsfolka og drog sin kos. Men før han reiste, sette han eld på fleire hus. Folk hadde sett han sitja burti skardet ved Klype og sjå på med det brann. Men han sa frå til gamlefolket på garden tidleg om morgonen: «No må de upp, for no har eg nørt upp åt dykk!» Då dei kom upp, var han faren. At denne tradisjonen truleg må vera sann, fekk dei prov for då den nye vegen vart arbeidd kring 1950: i jorda låg det mange brende stokkar og andre ting. - Borna til Sven og Kari: Knut 1926-27 døydde etter å ha fått kokande vatn over seg, Svein 1929 bonde på Hallbjørshus, Margit 1931 g 1953 m Ola K. Fausko, Halvor 1934 g 1962 m Ingrid G. Embrikgard f 1931, gards styrar på Intelhusbakko (sjå der), Klara Solveig 1937 g 1959 m Olav S. Kirkebøen. Svein overtok den veldrivne og vel oppbygde garden i 1961. Han heldt fram med nydyrking både heime og på stølen og ikkje minst ute på Øyno ved Heimsil, der han og bygde ein steinmur til vern mot elveflaumen 350 meter lang. Faren hadde hatt ein av dei beste buskapane av telemarkskyr, men Svein slo om og kjøpte seg avlsdyr av N.R.F.-rasen i 1963. Hemsedølene var forresten dei fyrste i Hallingdal til å innføre denne rasen. På Fylkessjøet i Ål 1970 kjøpte han den beste og dyraste kua (ho kosta kr. 6250, den høgste prisen til då), og buskapen hans har vore av dei høgstytande ikkje berre i Hemsedal, men i heile fylket (1973 leverte han meieriet 100 000 kg mjølk av 15 årskyr). Han har og selt mange avlsdyr. - Svein vart g 1961 m Aslaug Nilsdtr Kyrkjedelen frå Leveld i Ål, dei vart kjende gjenom arbeidet i den frilynde ungdomsrørsla der dei baa var aktivt med. Born: Kari 1962, Jon 1964, Nils 1966.

Nørdre Hallbjørshus

Gnr 58, bnr 1, lnr 583.

På nørdre (før øvre) Hallbjørshus. Skriv seg Halbjørhus.

Sjugurd Jonson ca 1713-73-60, sonen til Jon og Rangdi på søre Hallbjørshus g 1) 1739 m Sigrid Olsdtr d ca 1762 fekk denne garden: Jon 1741 bonde på Hallbjørshus, Ola 1744, Kari 1747-1822-75, g 1) 1765 m Mekkel Løvehaugji, 2) m Per Ørjan son, Rangdi 1751-1837-86 g 1778 m Ola Halvorson

Nyhus, Barbo 1755-1834-79 g m Knut Knutson Tørkjellhaugji. - Sjugurd g 2) 1763 m Birgit Olsdtr Ullsåk (f 1741): Sigrd 1764 d ung, Liv 1766, Margit 1769-1846-77 d somfattiglem. - Birgit vart g att 1775 m soldat Mekkel Olson Trøym 1748-1813-65. Dei var frå Ullsåk bae två og kom dit att sistpå dei levde (sjå der): Sjugurd 1775-1862-87 døydde som legdslem på Torset, Ola 1777 d ung, Guri 1779, Guri 1782.

Jon, sonen til Sjugurd og Sigrd, f 1741, hadde Hallbjørshus ei tid, g 1777 m Liv Toresdtr Torset 1747-1800-53: Sigrd 1779, Sjugurd 1788-1833-45. Dei kom til Reiarsetten seinare. - Liv vart g att 1797 m Torleiv Hallsteinson på Reiarsetten. Svein, son til Ola Hansson og Birgit Halvorsdtr i Skar, g m Gunvor Olsdtr Eikre budde på Hallbjørshus omkring 1800, men omkring 1808 fløtte dei til Storejorde (sjå der). I eit dokument frå 1816 står det at Sølve Knutson, som ved eit makeskifte av 1815 har vorte eigar av Hallbjørshus, gjev Per Olson Langehaug ei slätte kalla Håkonsslätta (i Markegardsljo) i byte med heimstølen Lislelie (i åsLio ovafor søre Markegølo). So kom som ny eigar Hans Knutson Jordheim g m Barbo Knutsdtr Intelhus. Denne huslyden hadde fløtt fleire gonger, og Hans vart difor kalla «Hans allestan». Med han var på Hallbjørshus, var han ofte ute og køyrde, sama koss veret var. Og so tok dei til å kalle han «Uvers-Hans» (sjå elles Jordheim). Dotter til Hans og Barbo, som ogso heitte Barbo (etter fyrste kona til Hans, Barbo Markegølo), 1818-79-61, vart g 1840 m Odd Olson Grøto 1812-44-32. Ved merkenstid 1844 reiste Odd til Drammen med eit varelass. På vegen heim vart han sjuk, og då køyrefølgjet kom til Langeløyte nord for Hjelme, døydde han, liggjande på varelasset. Odd og Barbo hadde: Gunhild 1840-1913-73 g m Torleiv Hjelme i Grøndale, Ola 1842-1927 bonde på Hallbjørshus. - Barbo vart g att 1848 m Hans Kyrkjebøen f 1822 og døydde der. Hans rtA 1883. Born: Odd 1849 g 1879 m Agot Rustehaugji, dei rtA (born: *Barbo* 1879), Ola 1851 d, Ola 1853 g 1879 m Birgit Tullehuso, rtA 1883 (born: *Hans* 1879, *Bjørn* 1882), Bjørn 1855 d, Guri 1857 rtA, Hans 1859 rtA. - ,Hans allestan» hadde ogso ein son Knut, han vart i 1860 g m Margit dotter til skulenjeister Torleiv Gudtormson, dei reiste ogso til Amerika. Ola, son til Odd og Barbo, fekk garden, g 1869 m Olaug Embriksdtr Gunnvaldgarde-Jordheim 1838-1921-83: Barbo 1870-1961 fekk foreldregarden, Ingebjørg 1873 rtA, g m Svein Nygard frå Hemsedal, tvilingsystera Ragnhild 1873-1962 (med borna *Odd* Larsson 1907-31, *Ola* Jonson 1912), Margit 1875-1962 g fyrst 1921 m Lars og så 1924 m Ola Skar (då ho vart enkje, fløtte ho attende til Hallbjørshus og kjøpte ei stugu som Jon Skølt hadde bygt og bUdde i på Markegølo før han fløtte til Huso), Birgit 1878-1960 g 1922 m Nils Hvidsten på Eiker d 1962 (hadde før: *Ingebjørg* Persdtr 1906-38). Barbo som fekk garden, vart i 1899 g m handelskar Ivar Embrikson Bubakka 1859-1933: Embrik 1899 d, Engebret 1902 bonde på Hallbjørshus, Anne 1903 d. Engebret overtok garden 1927 g sama året m Eline O. Snerte på Grøto f 1906. Bygde bu og fjøs på stølen 1926-35 og bustadhus heime 1954, den gamle stugo selde han til hytte på stølen, dessutan fire hyttetomter der. Kjøpte Juvestølen i Vestlin av Jon Hjelme 1952 for kr. 4800, og har dyrka upp mykje både der, heime og på langstølen. Born: Barbo 1927 g 1951 m alfred O. Jordheim, som slo seg ned som kjøpmann i Gol (born: *Odd-Erik* 1952, *Gunnar* 1954, *Elisabet* 1956, *Bård-Arve* 1961), Ivar 1929 anleggsarbeidar, g 1956 m Margit W. Vøllø, Ola 1931 malar g 1954 m Kari-Gerd Svare, Oskar 1933 kjøpmann, var i fleire år ekspeditør på Hemsedal samvirkelag, men opna so eigen forretning i nybygt hus, g 1961 m Bjørg Grøndalen frå nørde Aurdal i Valdres (born: *Tone-Lise* 1962, *Brit* 1963), Kristian 1936 bonde på Hallbjørshus. Kristian overtok garden 1967 g 1965 m Gerd-Aud Roteigen f 1945. Bygde nye uthus 1966, selde tre hyttetomter på stølen 1965, derav den eine til Ola, bror sin. Ei sommarnatt 1970 brann stølsbua deira ned på grunn av feil ved det elektriske anlegget, men ingen kom til skade. Dei tvåborna deira var inne då ilden braut ut. Men då dei merka at det vart so altfor varmt, kraup dei ut gjennom glaset og Bergo soleis livet. Borna til Kristian og GerdAud: Kaj Engebret 1965, Eilev 1967, Jan Egil 1974.

Leirehaugen

På Leirehaugji.

Bygselbruk under søre Hallbjørshus.

Omkring 1801 budde Elling Tomasson der. Han var f på eit Trøymbruk 1744 og vart 1777 g m Anne Nilsdtr, dei hadde førbudd på ein Skarsplass. Son deira, Tomas, vart i 1815 g m Kari, dotter til Svein og Gunvor Hallbjørshus. So kom Halvor Sjugurdson Grøto 1784-1866-82 dit, g 1808 m Anne Torsteinsdtr Eikre 1790-1878-88. Halvor var skulelærar. «Jeg spurte min bestemor Barbo Olsdtr Intelhus, hvem hun gikk i skole hos. «Hjå Halvor Leirehaugji, han døydde ifjor,» svara ho. Fra 1812-19 oppholdt familien sig utenfor bygden, hvor vites ikke» (HF). Borna til Halvor og Anne: Gunhild 1809 d, Gunhild 1810 g 1836 m Nils Vipe, rtA Sjugurd kring 1812 budde i Myren ved Skølt, Olaug 1822-1904-82 g mEmbrik Jorde ved Ullsåk, Torstein 1826 budde på Leirehaugji, rtA, Rangdi 1829, Herbrand 1833. Torstein bygsla bruket etter foreldra sine, g 1854 m Ingebjørg Olsdtr Ålstveit f 1831: Anne 1855, Halvor 1858, Sunnev 1860. Huslyden rtA 1861, og sea låg bruket øyde.

Andre avlidne på Hallbjørshus:

Svein og Sjugurd Hallbjørshus 1750. Gevorben soldat Tore Hallbjørshus 1752. Ingebjørg Helgesdtr Hallbjørshus 1765, 60 Ål gamal. Gardbrukar Sølve Hallbjørshus 1820, 57 år.

Løkjis-grende

Etter tradisjonen var Løkji den eldste garden i Søbygden. I skattematrikkelen av 1647 er det nemnt tre Løkjisgardar, ein skyldsett som halvgard der *Biørnn Løchenn* «er selffeigendes 14 Iøboell med bøxel» og «Zacharias Amund(sen) aff Waldris» har 2 løboell uden bøxel» og vidare 2 gardar skyldsett som øydegardar, den eine med *Biørnn Løchenn* som brukar der Ko(ngelig) Ma(jestæt) «eiger 3 schind med bøxel», den andre med *Jørgenn Løchenn* som brukar, og der «Ko. Ma. eiger derudj 1 hud med bøxell». Nils Jodøkk sa at Løkji var kapellangard i gamal tid, og det kan samstava med at folketeljingslistene for 1664-66 fører upp som eigar av det eine Løkji presten Anders Andersen Holst og enkja øli, kvar med sin halvpart. Holst var sokneprest til Nes 1648-65. Nils Jodøkk fortalde ogso at Prestgardshuso fekk dette namnet fordi dei fløtte eit hus dit frå Løkji, men det spørst då om ikkje samanhengen var den at dette bruket var plass eller bygselbruk under prestegarden. Tradisjonen. vilde ogso ha det til at Torset (Tørset) fyrst var heimstøl til Løkji og at langstølane låg uti Tørsetlien, men kor mykje det kan vera i dette, er meir uvisst. No har Løkjisgrende stølane sine på Løkjisstølo, det nærste støl slaget under Skogshødn.

Til grenden høyrde i eldre tid øvre og nedre *Løkji*, *Brøto* (som ogso skreiv seg *Løkji*), *Grohaugen*, *Vipe*, *Engjo*, *Snikkerluten*, *Myre*, Huso eller *Vebjørn-huso*, *Tryhus* og bustaden *Svøo*. Vidare er det nemnt Løkjisplassen og Løkjiseigo utan at ein veit nærmare om desse bustadene. «Burta åne» låg *Prestgardshuso* og *Moen* (eller *Prestgardhusmoen*). Dessutan skal det ha budd folk på *øygarde*, eit bruk sørvest for *Hjelme*, som no er slåtte. - Nye bustader i grenden er: *Fredheim*, *Fredly*, *Engeset*, *Myrvang* og *Bjørneset*. På Løkjis grunn låg det gamle *skulehuset* for Løkji skulekrins, like upp ved veggen. Her gikk eg den fyrste skulevinteren (1906-07) til det nye skulehuset sunna *Intelhus* kom i bruk (OR). I eit hus der i nærleiken budde *Henrik Hjemli* (1893-1966) frå Nord-Aurdal. Han var ein flink arbeidskar med grunnarbeid, støyping og hellelegging. Døydde og vart gravlagd i *Hemsedal*.

Nedre Løkji

Gnr 59, bnr 20, lnr 585.

På Løkji. Skriveform: Løken.

Manntalet av 1664 nemner ein Bjørn Løkji, 60 år gamal. Det er truleg den sama som åtte garden ved matrikkelen 1647. So er det truleg son hans som har garden kring 1680 og utover. Denne Bjørn Bjørnson blir g 1) m Birgit Einarsdtr som døydde ca 1692. Dei hadde: Bjørn (d 1723) g m Kari Sjugurdsdtr, Einar (d 1716) bonde i Grøv g m Margit Aslaksdtr, Halvor ca 1685-1762-77 hadde ein Løkjisgard, Ola (ei 1761 ca 70 år) budde på nedre Ullsåk. - So vart Bjørn g 2) m Ingerid Toresdtr (eller Torsteinsdtr). Dei hadde: Tore 1694 (eller Torstein), Birgit 1696, Torleiv 1701-81-80 hadde Løkji, Margit 1703 (d 1785), Kari 1706. Bjørn, son til Bjørn og Birgit, hadde garden. Han døydde i 1723, og på skiftet etter han 25-5-1723 blir enkja Kari Sjugurdsdtr nemnd, like eins borna deira: Anfin, som då budde på Horge i Borgund, og Ola. Takstmenn var bygdelenmann Jon Hallbjørshus, Ola Markegølo og Jehans Løkji. Borna til Bjørn og Birgit er ikkje nemnde i kyrkjebøkene, men i andre dokument. Ved kontrakt 11-11-1731 vart garden delt mellom Halvor og halvbroren Torleiv. Torleiv vart g 1731 m Kari Olsdtr *Intelhus* d 1774. Dei hadde: Margit 1731 g m Henrik Embrikson Nørdreli i Gol, Helge 1733 d før 1768, Bjørn 1733, tvilingbroren, bonde på Løkji, Ingerid 1736 g m Tomas Eivindson søre Lien, Ola 1738-1809-71 bonde i Langehaug, Kari 1739-41-2, Kari 1741-1814-73 budde på Ålstveit, Birgit 1743 g 1765 m Knut Øndredal, Guri tvilingsystera 1743-45-2, Margit 1749 d før 1768, Margit 1752 d før 1768. Sonen Bjørn fær Løkji g 1762 m Guri Toresdtr Grøto ca 1744-1808-64: Torleiv 1763-1827-64 hadde Løkji til 1796, Kari 1766 g 1787 m Halvor Hallbjørshus på øvre Løkji, Olaug 1769 d, Tore 1770 d, Tore 1771 d, Tore 1773 d, Olaug 1775-1855-80 g m Nils Torleivson Ullsåk, dei budde i Prestgardshuso, Tore 1778 d, Tore 1782. Torleiv fekk garden g 1792 m Jæse Olsdtr Eikre f 1770. Han fekk skøyte på Løkji og på plassen Engjo 1796 for 680 rdl. Born: Guro 1793-1856-63 ugift, Kari 1795 d ung?, Kari 1797 g 1836 m Trond Tuv, born ikkje nemnde, Ragnhild 1799-1803-4, Bjørn 1803-40-37 bonde på Løkji, Ola 1806-10-4, Ola 1809 d ung, Ragnhild 1814. Bjørn fekk garden g 1826 m Margit Knutsdtr Uppheim frå Tørpo. Den 22. oktober 1826 då Bjørn og Margit vart gifte, var ein sers høgtidsdag i Hemsedal, for 8 par vart vigde den dagen. Dei som sto brudgom, var forutan Bjørn: Aslak Knutson (Grøvseigo), Tore Grøto, Helge Jordheim, Nils Venåse, Embrik Skar, Hallstein Lauvset og Knut Bekkjidale. Aslak Knutson vart g m enkje Kari Grøto, og Tore Grøto var son hennar. Mor og son bøygde kne på brureskammelen sama dagen, so det var noko av ein rekord det og. Ola Dalo

fortalde etter bestefar sin at til dette laget vart det bede gjester sørover heile bygda like til Eikre. Slike store lag kalla hemsedølene i eldre tid brillaup til skilnad frå vanlege «lag». - Borna til Bjørn og Margit: Jæse 1827-30-3, Margit g m Halvor Bakko i Herad, Gol. - So døydde Margit. Bjørn vart g 2) m Mari Olsdtr Øygarde frå Ål: Jæse 1832 g 1857 m Ørjans Holedøkken i Ål, Torleiv 1834-95-61 bonde på Løkji, Ola 1835 rtA, Åse 1838-1901-63 g m Andres Intelhusbakko. Bjørn døydde 37 år gamal, og Mari vart g att 2) 1842 m Ola Andresson Skarshaugji 1811-77-66. Han vart kalla Skarshaugen på Løkji. Born: Anne 1842 rtA, g m Nils Haugen frå Herad i Gol, Margit 1844 g m Tore Bø i Ulnes, Valdres. Mari døydde i 1872 og Ola i 1877. Dermed var den dubbelte innpågiftinga ute. Torleiv, son til Bjørn og Mari, fekk garden g 1859 m Jartrud Mekkelstr Rundtupp 1835-1914-79. Omkring 1868 fløtte Torleiv husa nedom vegen, dei hadde før stade uppe i bakkane ovafor. Born: Bjørn 1861-1914-53, Mekkel 1864 rtA, g m Olaug P. Langehaug, Ola 1869-70-1, Ola 1872-73-1, Ola 1874 lærar på Modum g m Eline Snerte, Halvor 1877 g m Ingerid T. Grøv, forpakta Ris gard i det dåverande Vestre Aker og kjøpte so Økernbråten i østre Aker og dreiv isdrift ei tid, Torleiv 1882 d. Bjørn fekk garden, g 1889 m Kari Olsdtr Amundslie, Gol, 1869-1948. Foreldra hennar var Ola Asleson frå nordre Hesla og Rangdi Endresdtr frå søre Hesla. Av farbrørne hennar kan ein nemne Knut, som hadde Hesla og var g m Sebjørg Torset, og Ola d.e., den rike Hesla-gammeln, som var ugift. Ved arbeid og handel kom han seg upp til å bli den rikaste mann i Gol i si tid. Det byrja med at han «la ut på kødn» om våren, dvs. lånte folk pengar og fekk att korn for dei neste vinter. Det ga som regel gode renter. - Laurdag 5. september 1914 reiste Bjørn Løkji på stølen, slik som skikken var. Om natta vart han brått sjuk, og om tysdagen døydde han der på stølen. Nokre månar fyreåt hadde dei mist Torleiv, eldste sonen. Sundag 17. mai, under jubileumsfesten dit unggutane i bygden hadde køyrt i sykkeltog frå Ullsåk og Tuv til Trøym, køyrde doktor Thoner frå Gol til Hemsedal for å sjå til Torleiv. Men menneskeleg hjelp sto makteslaus, dagen etter døydde den siste Torleiv Løkji, odelsguten i niande ættleden frå 1664. Og den 16. desember sama året døydde Jartrud, mor til Bjørn, so det vart eit menneske for dei tre siste ættledene som fall burt på eitt år. Omlag ved sama belet som Bjørn døydde gamle Halvor på øvre Løkji, og Torleiv og Olaug Myren, bygsel plass under Løkji, hadde falle frå ved jonsokleite. Dette året gikk det soleis ei i «ras», som dei kallar det når mange fell burt på stutt tid. - Borna til Bjørn og Kari: Guri 1890-1975 g m Ola H. Grøto 1885-1962 på Fossheim, Rangdi 1891-1945 g m Per Grøv, Mari 1894 d, Torleiv 1895-1914-19, Mari 1898-1975 g m Embrik E. Grøto, Ola 1901 bonde på Løkji, Mekkel 1906 g 1938 m Elsa Tvedt frå Gjerdrum, fekk seg ein jordeigedom i Asker og har drive hønseri der. Ola overtok garden 1933 og vart sama året g m Margit O. Nygard 1903-62. Bygde nye, tidhøvelege hus både heime og på stølen og dyrka upp omlag 80 mål fastmark med god hjelp av sonen Bjørn: Kari 1934 g 1965 m bonde Erik O. Roe i Gol, har ei dotter: *Guri Mette* 1970, Anne 1935 g 1963 m lærar Lars B. Brustugun frå Lom i Gudbrandsdalen f 1932, no bae två lærarar i Gol, ho som husstell-lærar (born: *Bjørn* 1964, *Odd Terje* 1970), Bjørn 1938 har garden, Olav 1939 studerte ved Universitetet i Oslo, ei tid adjunkt ved Kristelig Gymnasium i Oslo, kom so til Gol ungdomsskule, g 1967 m Kjellrun Brækken frå Romsdal f 1946 (born: *Marita* 1968, *Elisabet* 1970), Torleiv 1945 har studert ved Veterinærhøgskulen og er dyrlækjar, g m Tove Andersen frå Oslo f 1947. Bjørn overtok garden 1965, g 1966 m Halldis Opsata frå Ål f 1943. Har dyrka upp 90 mål jord og auka buskapen til 20 mjølkekyr. Tilbygg på bustadhus 1975. Med i kommunestyret. Born: Torleiv 1967, Margit 1969, Gunhild 1975.

Øygarden: Ei av dei slåttene Løkji eig utmed Heimsil på vestsida, heiter frå gammalt Øygarden, og der skal det ha butt folk, seiest det. Namnet tyder ogso på det. Birgit Hjelme, som døydde i 1872, fortalde at det eingong var sak mellom Løkji og Jordheim om kven som åtte skogen på øygardsrone. Løkji meinte at dei åtte skogen, for dei hadde slått den der. Jordheim meinte at dei åtte han, for dei hadde skogen burtanfor. Med saka sto på, kom ein Halvor på øvre Løkji til å sitja og sjå upp i taket i stugun sine. Og der vart han vare eit brev, eller kva det no var, som var stukke inn under ei sperre. Han tok det ned, men forsto ikkje det som sto skrivi. Då kunnige folk fekk sjå det, forsto dei at det var eit dokument. Og der sto det at Øygarden skulde tilhøyre Løkji «med Lader og Lunner mod at årlig svare Kongen på Opheim et Bjåskind», og dermed vart skogen tilkjend Løkji. Dette med «kongen på Uppheim» lyder noko gåtefullt. Det er eit Uppheim i Tørpo, men det går søgn om at det var eit Uppheim i Hemsedal ovafor Grøto, som vart teke av eit steinras, men søgner om kongar på desse gardane veit ein ikkje av. På den eine av langstølane til Løkji nordunder Skogshødn bygde hotelleigar Chr. Varloff frå Drammen hytte, det var ei av dei fyrste på den kanten.

Øvre Løkji

Gnr 59, bnr 21, lnr 587 a. No bygdatun for Hemsedal.

Som nemnt under Løkji 59-20 vart denne garden delt ved kontrakt av 11-11-1730 mellom halvbrørne Halvor og Torleiv, og Halvor fekk den øvre luten. Han vart g m Barbo Aslaksdtr (Ullsåk). Margit, syster hennar, var g m Einar, bror til Halvor, bonde i Grøv. Borna til Halvor og Barbo: Birgit 1724 g 1) 1744 m Svein Jonson Hallbjørshus, g 2) 1765 m Ola Olson Hallbjørshus, Halvor 1725 d ung, Sunnev 1726-1808-82 g 1) 1749 m Hans Knutson Jordheim, g 2) m Bjørn Helgeson Jordheim, Bjørn 1729 d ung, Bjørn 1731 bonde på Løkji, Einar 1732-71-39 ugift, Helge 1734 d før 1758, Birgit 1736 g m Henrik Ivarson Jordheim, Halvor 1739. Det er nemnt ein Halvor Halvorson Løkji g 1752 m ei Margit Eilivsdtr, titulert som skulemeister, truleg ein av dei fyrste i Hemsedal. Før ekteskapet hadde han ein son: *Pål* med Kari Persdtr Øygarde. Borna til Halvor og Margit: Gunhild 1752 d, Gunhild 1753, Helge 1755, Jehans 1756, Guri 1758, Halvor 1761. Denne huslyden må venteleg ha vore tilhaldarar på øvre Løkji. Bjørn Halvorson på øvre Løkji (d før 1784) vart g 1755 m Guri Olsdtr Skar 173465-31. Dei hadde: Halvor 1755 d, Halvor 1757 g 1777 m Birgit Aslesdtr Torset, Barbo 1762-80-18, Svein 1764 d før 1771 og tvilingsystera Ingebjørg 1764 g m Hans Olson Reiersletten. Halvor Bjørnson Løkji 1757- (1828-71) g 1777 m Birgit Torset 1754-1826-72 var barnlause i ekteskapet, men hadde ein son fyre åt: Bjørn 1776. So blir Halvor Sveinson Hallbjørshus 1755-1836-81 bonde på øvre Løkji, g 1789 m Kari Bjørnsdtr på nedre Løkji f 1766. Halvor var ein personleg ven av Hans Nielsen Hauge, og Turid Grøto fortalde at Hauge heldt samling på øvre Løkji. Borna til Halvor og Kari: Birgit 1787-1837-50 g m Trond V. Grøndale, Guro 1794-1830-36 g m Eivind Eikre på Purkestad, Rangdi 1796-1887-91 g m Ola Skar, Svein 1799-1877-78 bonde på øvre Løkji, Birgit 1801 g m Mekkel Fausko, Ingerid 1804-96-92 g m Sjugurd Grøto, Barbo 1807-92-85 g 1) m Mekkel og 2) m Svein Grøndale, Bjøna 1812 d ung. I skiftet etter Halvor vart det opplyst at han hadde kjøpt kongstiende eg hadde rett på denne skatten frå Jordheim og dei två Hallbjørshusgardane 5 setteng korn frå kvar gard verdsett til 6-2-12 spd, frå Bjørn Løkji 2 setteng verdsett til 2-1-0 spd, frå Svein Olson og Ola Toreson i Lykkjun halvannan setteng på kvar verd. sett til 1-2-12 spd, frå Ola Sveinson i Lykkjun 3 setteng verdsett til 3 spd (soleis ein god del korndyrking i Lykkjun på den tid), og so frå Ola Knutson og Ola Jonson på Imre for tilsaman 20 spd. Svein Halvorson Løkji og Trond Vilhjelmson Grøndale fekk denne retten mot å yte buet 56-1-0 spd i godtgjersle. Sea skal Halvor Heggjestad og Turid Grøto ha hatt noko av kongstienden, seiest det (jfr. «Hemsedal» s. 100/110 flg.). Svein, son til Halvor, fekk garden, g m Birgit Rasmusdtr Uppheim frå Tørpo 1806. 92-86, syster til Lars Eikre: Margit 1828-1904-76 ugift, døydde i Grohaugji, Halvor 1831-1914-83 bonde på øvre Løkji, Rasmus 1833-1918-85 bonde i Grohaugji, Ola 1836-60-24 ugift, Kari 1839-1923-84 g 1863 m Knut Markegølo, Sjugnrd 1841-1912 g m Ingeborg Padderud frå Flå (1849-1909) rtA, farmar i Minnesota, Lars 1844-1902 g m Birgit Uppheim d 1932, farmar sama stad, Guri 1848. Halvor fekk garden g 1870 m Kari Endresdtr Ullsåk 1847-1928. I 1877 vart dei ute for ei stor ulykke: det hadde fata eld i noko i fjøset, og alle krøtera kvævest av røyken. Halvor var ille plaga av nervesjukdom sistpå han levde. Borna til Halvor og Kari: Svein 1871-1959 bonde på øvre Løkji, Endre 1873 rtA, Birgit 1876, Margit 1879 g uttafor, Ingebjørg 1881 g m Lars Engjo, Ola 1884 rtA, Lars 1886 rtA og vart der g m Rangdi Sveinsdtr Pålhuso. Svein hadde garden. Han var ugift, og i 1940 selde han eiegenomen til systerson sin, Halvor Engene. Halvor g 1959 m Kari E. Grøto f 1920 selde gardstunet på øvre Løkji med alle påståande hus til *Bygdatum for Hemsedal* i 1956. Kommunen betalte kr. 10000 for alt i hop. Her er det og samla ein del gamle bruksting og reidskap og meir kan det bli med tida. Halvor bygde opp att ny gard nedst på jordet, ikkje langt frå den nye vegen, bustadhus 1947 og uthus 1953. Bygde utleiehytte på stølen 1955 og kjøpte dessutan den gamle stølen til Intelhus 57-1 i 1957 der han og har selt ei hyttetomt. Har dyrka opp ein god del jord. Selde ein liten skogteig ved Grytestøle til Ola K. Mythe. Halvor og Kari har dottera: Inger Marie 1962.

Snikkerluten Nedlagt bruk.

Torleiv Mekkelson Rundtupp 1832-1915 g 1876 m Kari Olsdtr Nilsehaugji f 1831 fekk seg eit lite jordstykke hjå Torleiv Løkji, som var g m Jartrud, syster hans. Det låg nord for øvre Løkji og vart kalla Snikkerluten (eller Snikkerjorde), etter som Torleiv var snikker, dei kalla han vanleg Snikker-Tølleiv. Han og Mekkel, far hans, hadde før butt i ei liten kårstugu i Rundtupp, men fløtte den til Løkji. Dei onna Snikkerluten, ein liten støl og ei slätte i Lykkjun. Torleiv var ein truverdig kar med små tankar om seg sjølv, men flink handverkar, lagga kjørelid, gjorde glas og dører, skåp og løkhyller og skatoll. På skatolla laga han treskurd, og for eit skatoll med utskurd, lås og gangjødn tok han 24 kroner, det var billeg jamvel til den tid å vera. Han var eit meinlaust menneske som gjorde god nytte for seg i livet. Han var noko kleis, so det vart ikkje mykje prat med han. Men han hadde godt skjøn på arbeidet. Dei sette opp eit hus på Løkji, som han tok i augnesyn. «De timre nordte» (nordover), sa han. Han var gløgg soleine. Det blir fortalt at han fyrst vart kjend med ei gjente or Skøltedøkken, men gjorde det om inkje. «Me kunna få mange onga o ikkje ha mat åt dei,» sa han. «Et ord som flere unge kunde legge sig på sinne» (HF). Torleiv og Kari vart barnlause. - Jartrud, syster hans, hadde hatt

kveisa (koppar) i sine unge år og bar ær etter sjukdomen heile livet (OR).

Søre nedre Løkji

Gnr 59, bnr 1, lnr 585 a. Gamalt grendenamn: I Brøto. Skriv seg Løken.

Halvor Gauteson d 1737 og Gunhild Hansdtr g 1705 budde på Løkji: Ola 1706-73-67 bonde på Løkji, Gaute 1709-71-62 budde i Lykkjun, han fraus i hel, Halvor 1712, Hans 1716, Olaug 1718, Margit 1721. I 1737 var det skifte etter Halvor Gauteson, men buet var ikkje stort: 1 kyr, 1 kvige, 1 kalv, 7 sauer.

Ola fekk bruket g 1728 m Ingebjørg Sveinsdtr. Son: Svein 1736-73-37, som fekk Løkji. Svein vart 1755 g m Barbo Andresdtr (Hesla) ca 1735-1819-84. Dei hadde: Ingebjørg 1758 d, Ola 1761-83-22 ugift, Ingebjørg 1764 d før 1774, Andres 1766 d før 1774, Rangdi 1767 g 1788 m Ola Endreson Hesla, Anne 1773-1818-45 g 1792 m Knut Intelhus. - Barbo vart g 2) m Herbrand Knutson Mehus frå Hol ca 1752-1826-74. Dei hadde: Ågot 1776 g 1794 m Ola Olson som vart kalla «Purken» (frå Purkestad), dei budde på Ullsåk, Svein 1779 bonde i nedre Ålrust, Knut 1782 kjøpte garden *Ovavoll* i Hol 1811. I 1788 sel Herbrand og Barbo garden til Rangdi og Ola Hesla for 999 rdl. I livare tok dei undå ei tunne korn årleg og som kåragedom 1) «pladsen Hjelman med den skov og mark som dertil stedse haver været brugt paa begge sider af elven, 2) pladsen Hagen under Lychen, 3) et engeland under gaarden Lychen kaldet Skrumpeteigen paa et og et halvt maal, 4) søndre deel i Nystølen, 5) fæhavn og fornøden skov, baade vaat og tørt i gaardspladsens skov, naar jeg med husholdning og med mine creature er i plads en Hagen eller paa Nystølen, - imod at jeg til hjælp i de kongelige skatte til gaarden Lychens bruger betaler 1 mark aarlig». Herbrand og Barbo kom seinare til nedre Ålrust 52-5. Semlen fortalde at Herbrand var ein svært godmodig mann. Då han grov talle eingong, kom den eine av stykkdøtrene hans, fata eit grev og tok til å grava. Men av vanvare kom ho til å hogge til ein sau, so han laut slaktast. «Me få kji gjeta noko, so bli kji mor di ill på de,» sa Herbrand. Anne Sveinsdtr var farmor til Knut Vanneviken, som fortalde at Rangdi, syster hennar, vart gift til Hesla og at dette giftarmålet kom i stand på ein original måte. Ola Hesla hadde vore i Hemsedal i eit bryllup. Trast etter sa han: «E vil åt Hemsedal att ette gjento. E såg ei gjente der som e likte so, ho va so staut te å eta.» Han reiste, fridde og fekk ja. «Man har forstått det så at han når hun i selskap åt hva hun trengte, sluttet han derav at det var en voksen karakter. Kjon (eit tjon: ein narr) pleier å være småtærende i selskap» (HF). Ola og Rangdi vart buande på Løkji: Ingebjørg 1790, Barbo 1791, Svein 1793-1861-68 bonde på Løkji, Endre 1795, Kari 1797-1803-5, Ola 1800, Andres 1802, Kari 1803. Svein fekk garden g m ei Guro Bjørnsdtr frå Nistugun på Nes. Det er fortalt at far hennar låg i søksmal med ein kaptein Solberg, som budde på Smedsgarde. Bjørn skulde eingong ha sagt: «Solberg ha hengt dei beste karatn upp i taket.» Han meinte med det at kapteinen hadde fått uksar og anna slaktefe for å fritta gardmannssøner frå militærtjenesta. Borna til Svein og Guro: Ingebjørg 1819-40-21 (var gift), Ola 1820 g m Barbo Olsdtr Engjo i Gol, Bjørn 1824, Ola 1826-1902-76 bonde på Løkji, Rangdi 1828 g m Tor E. Lien frå Tørpo, Endre 1831, Kari 1833-1903-70 g m Trond Jordheim, Ingerid 1836 g 1866 m Knut K. Markegølo, rtA (ho hadde før dottera *Ingebjørg* med Ola Larsson Rud frå Ål), Andres 1840 d. - Rangdi og Tor budde ei tid i Reiarгарde og ei tid på Lien i Tørpo. *Astrid*, dottera deira, vart i 1876 g m Knut Andresson Sire i Amerika. Foreldra hans var Andres Knutson Sire g m Guro Olsdtr Medhus frå Tørpo. Andres var son til Knut Svein son og Birgit Andresdtr Rotneim, syster til Rotneims-Knut. - *Ola* d.e. og *Barbo* budde ei tid i Hemsedal og hadde her borna: *Guro* 1855, *Svein* 1858. Dei fløtte sea til Engjo i Gol. Ola d.y. fekk Løkji, g 1862 m Kari O. Øndredal 1837-1919-82. Dei hadde: Svein 1862-1912-50 ugift, døydde på Trøym, Guro 1863-1926, Ola 1866-1930 tilhaldar på Trøym, døydde hjå Andres Øndredal, Andres 1867-68-1, Margit 1868 gift i Mjøndalen, Andres 1872 rtA, Endre 1876 ukjend opphaldsstad, Ingebjørg 1879 døydde uttafør ca 17 år gamal, Sjugurd 1882-1904 skomakar, døydde av meningitt. - Ola Sveinson, «Løkjisen» dei kalla, hadde ein stor og god gard, men styrde mindre bra. Han selde undå skog og slåttemark og stykke a" sjølve innmarka, og til slutt laut han selja heile garden. Budde dei siste åra ned på Svøo. Døydde brått.

Garden vart kjøpt av Halvor Vilhjelmson Grøndale 1850-99-49 g 1887 m Ingerid Olsdtr Grøto d.y. 1866-1923-57. «Halvor var hva man kaller en voksen mann. Sterk i arm, sterk av karakter. Selvstendig i tenkning, i styr og stell. Han gikk sine egne veie, om de ikke var banet» (HF). Han var den fyrste i bygden som fekk seg uthusbygning slik som «utpå bygda» i staden for fjøs, låve og trev, som skikken var frå gamalt - og denne byggjemåten vart vanleg over det heile utover etter hundreårsskiftet. No etter krigen er mange av desse uthusbygningane rivne ned att, og bøndene har fått seg nye, større og meir moderne uthus, samstundes med at dei gjerne ogso har fått seg nye bustadhus i staden for dei gamle stugutn frå gamalt tid. Ein storpart av gardane er nybygde två gonger etter hundreårsskiftet. Det fortel noko om aukande velstand (OR). Halvor pådrog seg ein hjarteskjuld. «Siste sommer sa han til sin ånnekar Jon Ålstveit, da de hadde høi inn i en lade borte i en slåtte: «i a, no undrast e på kem som tek att dette foret!» Han måtte gå til sengs en dag i august. Siste kvelden han levde, bad han Jon legge en

sekk under ham i sengen. Jon spurte om han skulde være hos ham om natten. Nei. Den natten døde Halvor. Han skjønte altså hvad som stod fore nu, men vilde stride alene. En underlig mann» (HF).
Born: Sebjørg 1888-1974 g 1911 m Knut Torset, Anne 1890, Vilhjelms 1892-1963 bonde på Løkji, ugift, Kari 1895-1974 g 1) m Knut Asleson Grøteteigji, 2) m Svein Hallbjørshus (sjå der), Ola 1897 sjåfør i fleire år for Handelslaget, fekk seg so eigen verkstad (sjå Fredheim, Løkji 59-49). Vilhjelms hadde garden frå 1918 til sin død. Var ein drivande gardbrukar og dyrka upp ein god del myr og fastmark. Bygde ny stugu 1921. Ei slåtte i Jonsstøllien selde han til Svein Hallbjørshus, selde også två hyttetomter, ei på stølen og ei i skogen ved Vanneviken til doktor Sverre Nesheim, som var distriktslækjar i Gol og Hemsedal i 18 år (til 1961), ein sers dugande og mykje søkt lækjar. Vilhjelms overlet ein liten støl på Løkjisstølo til Ola, bror sin, i 1927. Ola kjøpte også den sokalla Styrmannsøyne av Vilhjelms 1927. Etter at Vilhjelms var død, selde arvingane garden til Halvor O. Magnetun frå Gol, f 1928, g 1955 m Kari O. Løken f 1933. Born: Rune 1956, Steinar-Olav 1959, Erik 1971. Halvor selde den store stugubygningen til två hytter og bygde moderne bustadhus 1965 og driftsbygning 1966.

Farmor åt Halvor var frå Øndredal i Hemsedal. Ho heitte Margit og var syster til Kari som vart g m Ola Sveinson Løkji d.y. Margit vart g m Torstein Bjørnebråten i Gol, farfar til Halvor. Han kunne minnast at han som smågut var med foreldra sine til morsyster si på Løkji. Har bygt nytt fjøs på stølen. Kjøpte 48 mål dyrkingsjord av Ullsåk 62-17 og har dyrka upp mesteparten av dette og elles mykje på heimieigedommen.

Vebjødnhuso

Nedlagt bygselbruk under Løkji.

Bruket har namn etter Vebjörn Toreson f 1757 på eit Tørsetbruk, Ivar Veslejorde meinte det var Jegerhaugen. Foreldra var Tore Olson g 1735 m Olaug Halvorsdr. Vebjörn vart g 1792 m Margit Knutsdr. Dei hadde eit barn alt i 1778, men gifta seg ikkje før 14 år etterpå. Born: Tore 1778 nemnd 1801 som tilhaldalar i Reiargarde, Knut 1792 g 1828 m Ingebjørg Larsdr, Olaug ca 1794, Guri ca 1796 med son *Vebiörn* (g og rta 1852), Halvor 1798 g m Guri Bjørnsdr Ullsåk, Liv 1801. Ved folketeljinga 1801 er heile luslyden oppførd som tiggjarar. - Semlen hadde mykje å fortelja om Vebjörn. Eingong skulde han lunne timmer for Ola Markegølo, gofa åt Semla. Det var hogge nedafor Skølt. Ola hadde två hopper, den eine med føl. Vebjörn låg i fjøset. «Kem ska e ta,» spurde han om kvelden. Den utan føl, vart det sagt. Vebjörn lurde med seg två timrehakar meir enn han skulde ha, og tok hoppa som hadde føl. Følet sto naturlegvis att i stallen. Han lunna timmeret og drog sjølv ein stokk i kvar vende. Då kvelden kom, slepte han hoppa, som sprang i villtan heim att. «Ko mykje har du lunna,» spurde han Ola. «alt samen,» svara Vebjörn. «Då har du vel mest drepe hoppa,»meinte Ola. «A neimen om du skjønna kofør hoppe du har,» sa Vebjörn. Han var på Markegølo også i slåtten. Men so hadde han «tikji upp» på slått (lånt pengar på forskot for slått) hjå Andres Torset (d 1807). Han kom til Markegølo og truga Vebjörn til å vera med seg. Vebjörn mislikte dette. I slåtten sto han og preka og kom ingen stad. Andres la merke til dette. «Dei sea at du æ so god te å slå,» sa han. «å so kjem du ingjin stan!» «Nei, dette æ kji slått før me,» svara Vebjörn. «Det æ berre nøkle rukkastakka o sauskjeru (marikåpe og skogstorkenebb). Når det ikkje æ finntøpp o stein, kan e ikkje slå.» Andres vart sinna og let Vebjörn fara til Markegølo att. Der slo han som ein kar. Han slo ein av Markegardsstølane på fire dagar, ei veker arbeid for ein vanleg kar. Han slo heile vollen med *ein* tynningsljå, til vanleg slo dei berre ein dag eller halvannan med ein slik ljå før dei tynnte upp att. Eingong grov han tallen i två stallar til nons ein dag, det vanlege var ein dag på kvar stall. Ved non fekk han ei mark av løna si, drog så nord på ein gard og kjøpte ein pott brennevin for pengane. Eingong var han og Ola Markegølo ute på Storevatne og fiska. Det tok til å blåse hardt, beint ifrå Skogshødn. Vebjörn rodde. Best det bles som verst, la han årene upp og sa: «Neimen om e æ go te ro meir, no lell!» «So må e te å ro likevel, e då, stygge bøygen,» svara Ola og sette seg til rettes med årene. - Vebjörn for uttafør og bad seg. Der var det ein ståtarkonge (bygdevektar) som lenge hadde lurt på å ta han, men torde ikkje, for Vebjörn var stor og sterk. Eingong kom Vebjörn inn på den garden der ståtarkongen heldt til. Kona i huset stelte vel med Vebjörn, han fekk både i seg og med seg. Då han var ved og skulde gå att, tok ståtarkongen fatt i sekken hans. Det bar utover ein tramm, ståtarkongen fyre og Vebjörn etter. So spende Vebjörn til ståtarkongen so han for hovudstups utover og slo seg stygt. «Men neimen tørde kji ståtarkongjin ta på me meir,» sa Vebjörn sea. - Semlen kunne minnast at Vebjörn sat i ei gråtøye som legdakall på Markegølo og spikka treskeier. Det vart enden på visa for den store, sterke karen. Han dugde ikkje til noko meir. Knut, son til Vebjörn og Margit, vart i 1828 g m Iugebjørg Larsdr. Dei reiste til Ålsgjeld, derifrå til Amerika. Dottera Guri fekk ein son med Endre Olson Hesla: Vebjörn 1819. Denne Vebjørnen heldt til ei tid hjå Eirik Haga i Lykkjun, sea hjå Embrik Engjo. Her var det Ivar Veslejorde fekk den fyrste kaffikoppen (om kaffi sjå «Hemsedal» s. 59/69). Vebjörn vart i 1852 g

m Ragnhild Olsdtr Torset, og dei rtA sama året. Ein Ola Toreson (bror til Vebjørn Toreson) g 1767 m Sigrd Tomasdtr hadde borna: Sigrd 1768 og Tore 1772. Denne Tore Olson g m Guri Olsdtr er oppførde som buande på Løkjiseigo (Vebjørnhuso) ved folketeljinga i 1801. Guri døydde i 1801 ca 58 år gamal. Tore vart g att m enkje Kari Hansdtr frå eit Torsetbruk, der ho hadde livauere. Ho var f 1744 av foreldre Hans Olson og Kari Nilsdtr, bustad er ikkje nemnd. I 1801 er Vebjørn og Margit atter i Jegerhaugji. Omkring 1840 bur i Vebjødnhuso Ola Hermannson Krøsshau ca 1802-82-80 frå Ål g m Anne Ellingsdtr ca 1790-1868-78. Han hadde ei noko snodig framferd og vart kalla «Løglemann», og bruket kalla dei i den tid *Løglemannshuso*. Desse folka var dei siste som budde der. Born: ein son, Guri 1829, Kari 1831 g m Ola Jonson Hallen, dei rtA.

Grohaugen

Gnr 59, bnr 23, lnr 588 a.

i Grohaugji. Skriveform: Grohaug.

Den gamle vintervegen - før «Lina» kom - gikk forbi Grohaugen, Vipe og Engjo. Sørøver køyrde dei ut på isen synst i Gampemyrn - «uti lande», som dei sa - og nordover køyrde dei ut på Heimsil ved Klukkarsteinatn. Isvegane var dei lett-vintaste vinterstider. Hjelmen var fyrste kvilarstille utover. Halvor Bjørnson og kone Birgit Aslesdtr budde i Grohaugji frå 1789 då dei selde Løkji. Sistpå dei levde, budde ogso Ola Nilson Vipe og kona hans der. Men i 1828 då både Birgit og Halvor var døde, vart Ola Nilsson og huslyden hans utsagde av Svein Halvorson øvre Løkji, som hadde kontrakt og rett på bruket. Likevel fekk dei bu der til 1842, då dei fløtte til Jordheim. Ola Nilsson Vipe 1796-1894-98 vart i 1821 g m Ragnhild Olsdtr Espeset frå Nes d 1863 ca 60 år gamal. I sine unge år hadde Ola tent hjå kaptein Solberg i Smedsgarde på Nes og vart kalla Kapteinsguten. Dei budde so i Grohaugji og fekk desse borna: Nils d.e. ca 1822-1901-79, g 1850 m Barbo Sveinsdtr, bonde på Storejorde, Margit 1825-95-70 med dotter *Ragnhild* Halvorsdtr 1849, Ola 1827-1900-73 ugift, rtA, Birgit 1830 g 1857 m Knut I. Myte, dei rtA, Nils d.y. 1833-87-53 bonde på Jordheim 64-1, Knut 1835 g m Kari Olsdtr Ålstveit rtA, Lars 1837-1908 bonde på Jordheim, Kari ca 1839 rtA (haddeborna *Ola* Sjugurdson 1866 og *Nils* Jonson 1870, som bår rtA), Ingebjørg ca 1842 g 1870 m Per K. Imre. Ola makeskifta gardar med Hans Gudtormson på Jordheim 64-1 i 1842. Vart etterpå kalla Grohaugen på Jordheim. Hans hadde i 1817 vorte g m Ingebjørg Bjørnsdtr Brenn frå Gol (sjå Jordheim). Men so vart han glad i ei grommare gjente, Ingebjørg Torleivsdtr Jorde (Jordheim 65-1). Han skilde seg frå kona si, og i 1832 vigde presten Gottwald Hans og den andre Ingebjørg. Den fyrste fekk fara heim att til Brenn. «Noget liknende er ellers ukjendt i Hemsedals historie» (HF). Hans var ein rugg for seg sjølv. Han kom eingang med eit forlass frå stølen. «Du har eit lurvut lass,» sa ein han møtte. «Å ja, det æ so det. Men e venest ha det få når e kjem heim att,» sa Hans. Ein vinter han var til Lærdal etter eit varelass, vart han liggjande verfast i Bjøbergo i två jamdøger, og måtte få mat der både til seg sjøl og hesten. Då han reiste att, baud han ikkje betaling, men sa til Knut Bjøbergo: «Du får ha takk då, men det æ vel før mykjy det med.» I 1850 fløtte han til Valdres. Somme av ungane rtA, og ein son hans vart prest der. «A ja, somme der bli presta, o so ha dei grisi so store som hesta,» sa Hans. Endre Ålrust kom inno m hjå Hans på ei av handelsferdene sine i Valdres. Han vart traktert, og som skikken var, bar kjeringa seg ille for at ikkje traktamentet var so bra som det skulde vera. Då sa Hans: «Å jau, fått han sopass allestan, so sto det ikkji på.» Rasmus Sveinson øvre Løkji 1833-188-85 g 1869 m Guri Nilsdtr Haga i Lykkjun 1848-1900-52 kjøpte Grohaugen. Dei heldt ikkje gjestebod då dei gifta seg, men reiste til presten tvåeine. Dei var sparsommelege og skrapa i hop mange pengar med dei styrde. Men dei vanstelte krøtera på slutten, so fleire kyr strauk med. Skrottane vart dregne ut på ei røys, der dei låg og rotna og tevja utover våren. Borna til Rasmus og Guri: Svein 1869, Birgit 1872-1963, Nils 1875, Ola 1878 d, Oline 1881, Ola 1883, Halvor 1886, Liv 1888. Dei rtA alle so nær som Birgit. Liv var heim att ein tur (1914). Nils kom heim att ein tur i 1910 og hadde tenkt å kjøpe garden, men det vart ikkje noko av det. Storehagen hjelpte til der nokre år. Då Rasmus var død, kjøpte Per Båste heimevinna, Ola Ålrust på Grøterud langstølen, Tore Grøv eit par skogremmer, og Sjugurd Hjelme Grohaugslåttutn i Tørsetlien. Per Båste 1871-1944 g 1910 m Barbo Olsdtr Grøto 1878-1931 budde fyrst nokre år i Grøtehaga før dei kjøpte Grohaugen. Per var fe- og hestehandlar: Ingvar 1911 kjøpmann i Oslo, g 1948 m sjukeyster Johanne Frøslund frå Mandal, dei har hytte på Bubakkstøle, Anne 1915 sjukleg, alma 1918 hadde garden 1941-48, reiste so til Oslo og vart i 1960 g m bussjåfør Finn Holmvik, dei bur i Skedsmo, og Alma driv kafe på Kjeller. - Då Bubakkjin vart seld ved auksjon 1914, kjøpte Per Båste *Bubakkstølen*, so Grohaug fekk seg att støl, og selde två hyttetomter der. Bubakkstølen ligg rett ned for Sørhjellev. Per bygde ny stugu 1918 og ny bu på stølen 1916. Alma selde garden 1948 til Olav O. Grøndalen f 1915, g 1942 m Ingrid K. Grøthe (Hallbjørhus) f 1919. Med i handelen fekk han ein skog frå Skar 60-1 på 95 mål, som ligg ved Hødn. Olav er skjønsmann og med i kommunestyret. Bygde nye uthus og nytt fjøs på stølen 1957 og har dyrka upp ein god del heime og i slåtta. samen med

Ola B. Løken selde han tomt til *Hemsedal Andelssag og Høvleri* 1950 og har vore rekneskapsfører for Andelssaga i mange år og forretningsfører for A/L Hemsedalsbilane. Borna til Olav og Ingrid: Barbo 1942, handelsskule, ekspeditør på Hemsedal samvirkelag ei tid, no tilsett i Hemsedal Sparebank, Knut 1944 bonde i Grohaug. Knut har no garden, g 1967 m Karen Haldis Bjørlykskar frå Haram ved Ålesund, f 1944. Born: Kjell-Olav 1967, Vidar 1968, Elin 1969. Knut bygde nytt bustadhus 1968.

Vipe

Gnr 59, bnr 9, Inr 585 i.

Det nedlagde bruket Vipe låg nordupp for Grohaug, sørover frå Vipehaugji.

Kyrkjebøkene nemner ein Nils Nilsson Vipe d 1810, 70 år gamal. Om han var den innfløtte skreddaren Nils Nilsson er uvisst (sjå Myte 54-6). So budde i Vipe ein Nils Halvorson g m Ingebjørg Ivarsdr, men kvar desse folka var frå, veit ein ikkje. Dei hadde: Halvor 1775-1840-65 bonde på Ålstveit, Barbo 1778-1860-82 g 1802 m Torleiv Olson Eikre, dei budde på Engjo, Birgit 1782, Nils 1786-1874-88 som til slutt vart bonde på nørde Ullsåk 62-17, han vart kalla «Tulln» fordi han ei tid åtte Tullehuso 62-7. Så er det nemnt ein Nils Nilsson Løkjiseigo d 1851, ca 85 år gamal, g 1793 m Birgit Larsdr Rundtupp eller Grøv f 1774. Det kunna tenkjast at han og var son til ovannemnde Nils Halvorson. Nils og Birgit hadde: Ola 1796-1894-98 bonde i Grohaugji og på Jordheim, Birgit 1798, Lars ca 1800 bonde i Vipe rtA 1869, Nils 180304-1, Nils 1805 budde i Snuserud, d før 1861, Ingebjørg 1811 g 1832 m Knut Torsteinson Bakko i Gol, Halvor 1815 budde på Grøvsbakko, rtA 1873. Lars g 1828 m Kari Ivarsdr Jordheim f i 804 hadde Vipe ei tid. Dei rtA 1869: Birgit 1829 g 1862 m Knut Kristenson Onsgard på Nes rtA, Nils 1832-1918-86 hadde Vipe og Engjo, Margit 1835 g 1857 m Tor Knutson Bakko på Nes rtA, Ingebjørg 1838, Birgit 1841, Anne 1844, Ivar 1847-1920-73 rtA og vart g der 1874 m Guri Knutsdr Bikupp. Ei av gjentene vart g m ein Storli og budde i Spring Grove, Minnesota 1920. Lars og Kari og sonen Ivar rtA i 1869. - Nils kjøpte Engjo og fløtte dit, sea har Vipe tilhørt Engjo.

Tryhus

Inn til det gamle Vipejordet låg det eit træe som dei kalla *Tryhus*, og der skal det ogso ha butt folk, seiest det. Det var vister etter tufter på denne staden i gamal tid. Det vart fortalt at folka i Tryhus selde brennevin i smott og smyting (i all løynd) til nordbygdingane som køyrde der forbi om vinteren. Hestane med lassa *sto* i kø sørover myra sunnafor, som av den grunn vart kalla Gampemyre, om no denne tradisjonen er å lite på. I nærleiken her var det ei dansarslett, som i nyare tid vart kalla By. Der samlast ungdomen om sommarkveldane. Det vart ogso lagt eit dansegolv der. I «Hemsedals Kirkestol» for 1777 «kyrkjestol»: oppgave over det kyrkjene åtte og hadde rett på) er det nemnd ein *Eirik Trehus*, visstnok den einaste staden der stadnamnet Tryhus (dvs. tryå hus: tre hus) i Hemsedal er nemnt (men i Gol er det eit anna Tryhus 38-15). Ved folketeljinga i 1801 budde det ein *Eirik Tomason* på eit Lykkje- eller Løkjisbruk g 1777 med *Anne Sørensdtr* 1735-1814-79. I 1745 var han g m ei Ambjørg Jakobsdr og budde då på Haugseigo. Det kan vera nemnde Eirik Tryhus. Hjø denne Eirik bur det i 1801 ein ugift betlar Anfin Ivarson, han døydde 1813 som legdslem i Ålrust ca 80 år gamal.

Myre

i Myrn. Bygselbruk under Løkji.

Her budde Nils Torleivson Engjo 1807-81-74 g 1837 m Ingebjørg f 1816, dotter til Nils Nilsson Vipe og Margit Olsdr Skarsplasse: Ola 1838, Torleiv 1840, Barbo 1843, Hans 1845 rtA, g m Anne Ingvarsdr Ullsåk, Ola 1849, Nils 1853 rtA, Margit 1856 rtA, g m Ivar Ellingson Myte, Nils 1859-1902-43 rtA. Ingebjørg reiste etter til Amerika 1889.

Torleiv bygsla bustaden, g 1866 m Olaug Olsdr Prestgardhuso 1840-1914-74: Ingebjørg 1867 rtA, Sunnev 1870 rtA, Barbo 1873 g 1900 m Ivar og 1908 m Herbrand Mørken, Margit 1875-77-2, Oline 1877 d, Nils 1878 bonde i Myte, Ola 1882 rtA. Torleiv Myren var en stille strevsom mann. Attved at drive sit bruk, var han ofte borte på dagarbeide. Var god skinnfeldmaker. Læste ikke sa litet. Han som mange andre i bygden og bygdene fikk noen lesning fra politimester Emil Gamborg i Drammen. (Thomas Nils Emil Gamborg 1833-95.) Aviser og gamle bøker. Også jeg fikk flere bøker fra Gamborg. På slutten blev hans utdeling av bøker politisk tendensiøs. Torleiv og Olaug bodde i Myren også efter at alle barna var bortreist. Bodde der to alene. Krusla så hyggelig. Stuen var liten, men varm. Det var koselige folk å komme inn til. Jeg var inne hos dem siste gang skjærtorsdag 1914. Da var de friske. Sist i juni blev Olaug syk av lungebetendelse og døde. Så blev Torleiv syk av samme

sykdom, og om morgenen 4de juli, da likfærden var efter Olaus, døde også Torleiv og jordedes den 7de. De to gamle som fulgtes i 48 år, fikk kvile ved hinannens side i gravens lange natt. Husene i Myren stod litt op fra postveien og litt nord for veien op til Løkji. Da jeg om høsten kjørte forbi der, var husene solgt og nedrevne. Tomtene ryddet. Det var ikke stein tilbake på stein, hvor arnens ild hadde brent og spraket i flere slektledd. Når jeg så ruinene der, måtte jeg komme ihu jordlivets forkrenkelighet. Jeg søkte etter ord for mine følelser, det rant for mig et dikt av Welhaven om «det forladte fuglerede» i et tornekratt. At redet hang i et tornekratt er så illustrerende, for livets vei går for de fleste gjennom tornekratt. Det er få, kanskje ingen, som helt går fri for krattets stikk. Også for de to som sist bodde der, hadde krattet vært tett og tornestikkene mange» (HF). En høstdag så jeg i et tornekratt en sangfugls rede der var lengst forlatt. Blant nøkne kvister hang de tørre strå, og visne blade under busken lå. Jeg tenkte på hvor blidelig engang i dette hjem blev fostret vårens sang. Jeg tenkte på hvor frisk og blød den første trille her i morgnen lød. Og tonen steg, og rosene sprang ut, og vidt drog sangen som et gledesbud og lød så lenge til den hørtes kun som vårens etterklang i høstens stund.

Svøo

Ned på Svøo.

Bustad ned ved «Lina» nedafor Løkji.

Her budde fyrst Ola Sveinson Løkji og Kari Oldstr. Sea Eivind Eivindson Resabakko, GamleEivind dei kalla, og kone Margit Ellingsdtr som var ifrå Furuhaugo (sjå Resabakko).

Horten Konserv A/S

Gnr 56, bnr 31.

Firmaet Horten Konserv A/S fekk konsesjon og sette i gang reising av eit moderne forretningsbygg på Svøo i Hemsedal hausten 1973. Bygget, som er på 2100 kvadratmeter, sto ferdig året etter. Produksjonen kom i gang frå 1. mars 1975 etter at prøvedrift hadde pågått ei tid. Fabrikken lagar kjøthermetikk og dessutan konservering av erter, bønner, gulrøter m.m. Fyrste driftsåret var omsetningen på ca 8 millionar kroner. F.t. er det 20 arbeidsplassar ved fabrikk, og over halvparten av dei tilsette er frå Hemsedal. Fabrikken er stor avtakar av råstoff (kjøt) frå bygda, og er i det heile ei ynskjebedrift for Hemsedal. Disponent: Alf Tandberg.

Fredheim

Gnr 59, bnr 49.

Ny bustad. Skriv seg Løken.

Ola H. Løken fekk seg dette bureisingsbruket 1926. Kjøpte 5 mål av Per Båste, som då budde i Grohaugji. Bygde bustadhus 1926 og uthus 1928, bu på stølen 1932 og fjøs. Kjøpte dessutan 80 mål vedaskog ved stølen. Har dyrka upp 45 mål på Styrmannsøyen, omlag halvparten var myr. Nils T. My the arbeidde mykje her med grøfing og oppdyrking i dei tronge 30-åra. Han fekk god betaling og var glad og takksam for denne økonomiske hjelpa i ei vanskeleg tid. Han kunne ikkje fulltakke Ola for dette, meinte han. - Då Ola slutta med å køyre rutebilen Gol-Hemsedal 1941, han hadde då hatt denne køyringa i over 20 år, byrja han med smedarbeid på verkstaden til Olaf Engene og laga sledar, timredningar, høyvogner, arbeidskjerrer osv. for bøndene. I 1946 fekk han sin eigen smie og snikkerverkstad rett ned for Grohaug, fekk tomt av Grohaug og Løkji 59-20, og bygde der, like ned ved riksvegen. Han heldt fram med sama arbeidet og har mellom anna laga mange traktortilhengjarar. I 1924 fann Ola ei stor furulåg i ei myr på stølen. Ho låg omlag 20 cm under torva, var omlag 8 meter lang og 25 cm i tverrnal på midten. - Ola vart i 1927 g m Ingebjørg E. Haug 1897-1974. Born: Ingrid 1928 stenografsekretær i Statens Kornforretning, g 1955 m Leif Wigernæs, inspektør same stad, Halvor 1929 g 1954 m Hanna Solberg frå Vestfossen (sjå Fredly 59-71), Erik 1931 d, Kari 1933 g 1955 m Halvor Magnetun frå Gol (sjå Løkji 59-1), Ester 1936 g 1956 m innkjøpsjef Sverre Solberg i Hokksund, har eige hus der. - Ingrid kom til å interessere seg for langrennssporten på ski, og har vore med i mange tevlingar innan- og utanlands og vunne fleire Noregsmeisterskap (sjå nærmare om dette i boka hennar: «Mot mål med jentutn», Oslo 1967). Dei har ei gjente: *Ine* 1969.

Fredly

Gnr 59, bnr 71.

Ny bustad. Skriv seg Løken.

Halvor O. Løken (sjå: Fredheim) kjøpte eit mål grunn av garden Grohaug 1954 og bygde sama året

bustadhus. G 1954 m Hanna Solberg frå Vestfossen f 1926. Halvor gikk på Statens snickerskule i Blaker og byrja med snikkerverkstad i verkstادهuset til far sin. Har for det meste laga dører, glas og kjøkeninventar for bygdefolk og hytteeigarar. I 1954 overtok han heile verkstaden under namn: «*Løken smie og snekkerverksted*». Men far hans har framleies vore med i arbeidet. I det siste har dei serleg laga traktortilhengjarar, som dei har hatt god avsetning på. Borna til Halvor og Hanna: Bjørg 1955 har handelsskule og eittårig sekretærline, Odd 1958, Jan 1961, Mona 1962, Ingrid 1965.

Engjo

Gnr 59, bnr 10, lnr 585 p.

På Engjo, vanleg skrivi Engene.

Vipe vart frådelt nedre Løkji og skyldsett 1859, og Engjo vart frådelt og skyldsett 1869. Takstmenn: Nils Ullsåk, Øystein Ro, Ola Ro og Ivar Haugstad. På Engjo budde Ola Toreson Grøto f 1702 g 1732 m Birgit Einarsdtr Grøv. Dei hadde: Tore 1732, Birgit 1734, Guri 1736, Margit 1739, Sunnev 1742, Ingerid 1744, Einar 1747-84-37 bonde i Grønåse. - Etter som Einar Grøv var eldste son til Bjørn Bjørnson Løkji, og Birgit Engjo var dotter til Einar, reiste Ola Engjo på vegner av Tore, son sin, odelssøksmal mot Einars brør, Halvor og Torleiv, som då åtte foreldregarden. Søksmalet vart reist fyrst i 1737 og andre gongen i 1751. Ola tapte saka. Tre år deretter er det Embrik, son til Ola og Ingerid Markegølo, som bur på Engjo. Han vart g 1751 m Margit Andresdtr Grøv, som døydde i 1761 ca 32 år gamal. Dei hadde ein son Ola f 1755 som kom til Skarsdøkken, g m Margit Aslaksdtr Kilo. I 1772 fekk Embrik skøyte på Engjo hjå Einar. Seinare bur det ein Lars Olson g m Birgit Oldstr på Engjo: Ola 1793, Barbo 1795, Ola 1798. So kjem Torleiv Olson Eikre 1781-1823 g 1802 m Barbo Nilsdtr Vipe 1778-1860-82: Nils 1807-81-74 budde i Myren, Hans 1810-41-31 bonde på Engjo, Ola 1814 d. Hans vart g 1834 m Guri Jonsdtr d 1864 ca 64 år gamal: Torleiv 1835, Kari 1835 (tving) eller 1838 g m Svein Sletto i Grøndale. - Då Hans var død, vart Guri g 2) m Ola Knutson Ullsåk. Nils Larsson Vipe (sjå der) g 1866 m Birgit Embriksdtr Skar 1828-1919-91 kjøpte so Engjo og hadde bae bruka. Nils døydde sist på året 1918 og Birgit straks på nyåret 1919, so dei vart gravlagde side om side. Borna deira: Lars 1866-67-1, Kari 1869 g m Knut Rudningen, Lars 1871-1964 bonde på Engjo, Margit og Embrik 1877 d, Embrik 1878 rtA, Margit 1882 g m Andres Hølto. Lars var nokre år i Amerika, men kom so heim att og overtok egedomen, g 1912 m Ingebjørg Halvorsdtr øvre Løkji 1881-1964: Nils 1913 bonde på Engjo, Halvor 1916 bonde på øvre Løkji g 1959 m Kari E. Grøto, Birgit 1917 g 1952 m Embrik K. Markegård i Huso. - Lars og Ingebjørg døydde med berre ti dagars mellomrom. Nils tok over garden 1941, g 1944 m Liv O. Ålrust på Grøterud f 1914. Har bygt nye hus både heime og på stølen, m.a. moderne driftsbygning og har dyrka upp mykje fastmark på slåttene ved Heimsil. Kjøpte omlag 20 mål av Thomas O. Langehaug på Moslåttun og noko på heimejordet der for kr. 15 000. Selde so til Thomas ein stor, svær grushaug nedst på egedomen like ved riksvegen for kr. 95 000. Denne haugen livde for ver og vind, men stengde for utsynet. Dei kunne ikkje sjå Grønåsen ved Torset frå gardstunet, men no kan dei sjå like ned til Moen. Thomas Langehaug har selt sand frå Engjo til all kraftutbygging i Hemsedal og andre stader i øvre Hallingdal, til husbygging i massevis og til veggrus. Soleis vart haugen ved Engjo noko av ei «gullgruve» til slutt. Nils selde ei hyttetomt på stølen sin 1949 og den gamle stugo til burtbygsla tomt på stølen 1965. Ved ei ulykke 1952 miste dei på Engjo fire husdyr: hest, sau, kalv og gris, alle utrygda. Dotter til Nils og Liv: Gunnbjørg 1950, har gått realskule, handels- og kontorskule, g 1971 m Jarle Vesttveit f i Vesterålen 1946, han var elektrikar og hadde vore busett i Oslo i 10 år. Jarle og Gunnbjørg overtok garden i 1973 og har bygt nytt bustadhus. Dei har borna: Stig 1973, Heidi 1976

Engeset

Gnr 59, bnr 9.

Ny bustad. Skriv seg Berget.

Her bygde Tollef K. Berget frå Gol i 1939. Far hans var frå Furuhaugo i Hemsedal. Kjøpte omlag eit mål grunn av Lars Engjo 1938 for kr. 600. Egedomen ligg like ovafor den nye vegen. Tollef bygde bustadhus 1939 og uthus 1942. Kjøpte ogso eit jordstykke av Knut Langehaug på Fossheim 23 mål stort i 1949 for kr. 3500. Det ligg nord upp for øvre Løkji (Bygdatunet) og er den gamle *Snikkerluten* dei kalla. Her sette Tollef, som er byggmeister, upp ei bu 1963 og ei hytte 1966. Dessutan har han bygt seg ei hytte i Rustberggardlien i Lykkjun 1956. Tollef f 1908 vart i 1935 g m Guri O. Storejorde f 1908. Born: Margit 1935 g 1961 m sivilingeniør Nils I. Ryum frå Voss, dei bur no i Trondheim og har eige hus der, Mina 1937 g 1956 m Bjarne O. Fekene, sjåfør hjå A/L Hemsedalsbilene, dei har bygt seg

eige hus på Skogajordet i midtbygden.

Bjørneset

Gnr 59, bnr 92.

Ny bustad. Skriv seg Lirhus.

Helge-Norvald Lirhus frå Voss, f 1934, kom til Hemsedal 1957, tilsett som kontrollør ved Meieriet, ei stilling han hadde i två år. Deretter var han ekspeditør ved Hemsedal samvirkelag i 6 år, og frå hausten 1966 har han vore disponert ved Hemsedal Andelssag og Høvleri. Kjøpte 1966 ei tomt hjå Bjørn O. Løken for kr. 7000 og bygde seg husvære der. Landbruksskule og handelsskule. Den fyrste tida han var i Hemsedal dreiv han og ein del krøterhandel, kjøpte og bytte kyr og kviger her og selde på Voss. Har vore domar ved sauesjå i Hallingdal i mange år. Var visstnok den fyrste vossing som busette seg fast i Hemsedal. Medlem av heradsstyret. G 1957 m Olaug G. Embrikgarde. Born: Randi-Helen 1957, Nina 1959, Gunnar 1964, Terje 1967.

Myrvang

Ny bustad. Ikkje fråskyldt. Eigar: Gunvor Johnsen.

I 1961 kjøpte Ole I. Johnsen 1907-68 frå øvre Eiker omlag eit mål grunn av Thomas O. Langehaug, som då åtte eit stort stykke av garden Engjo 59-10. Ole var av hemsedalsætt. Far hans heitte *Lars Johnsen* og var frå nørde Hødn. Han var skreddar, g m *Marit Steindebakka* frå Ulnes, V.Slidre, f 1883. Lars hadde ei tid småbruket Kopstad i Fiskum, arbeidde fleire stader og busette seg til slutt ved Hønefoss, der han døyde 1947. Ole kom til Hemsedal i 1932. Vart g 1) 1938 m Kirsten Bergedal frå Hønefoss 1909-47. Dei budde i huset til Margit og Gunvor Thorset ved Trøym. Han var smed og byrja med det yrket i ei smiu ved Trøym. Vart g 2) 1958 m Gunvor i. Langehaug i Hødn og budde der i 6 år. Bygde seg so bustadhus på den tomte han hadde kjøpt og kalla den nye bustaden *Myrvang*. Johnsen var med i krigen til Noreg kapitulerte og var på vakt som flymekaniker på Flatøy ved Bergen som underoffiser. Då freden kom med betre tider og stor byggjeverksemd i Hemsedal, byrja han som røyrleggjar, dreiv dette yrket til sin død og var ein flink mann i faget sitt. Det kom vel med for bygda i denne oppgangstida.

Prestgardhuso

Gnr 59, bnr 3, lnr 585-87 a.

i Prestgardhuso.

Skriveform: Prestegard eller Prestegård.

Prestgardhuso og Moen ligg vestafor elva, og Løkji har ogso frå gamalt hatt eit skogstykk der. Dette tyder på at Løkjis og Torset-eigedomane ein gong har gått i eitt, og dette stør den gamle tradisjonen om at Torset frå fyrsten var støl til Løkji. Men det må i so fall liggje langt attende i tida. I 1754 sel Halvor, Torleiv og Ola Løkji Prestgardhuso til ein Halvor Halvorson for 60 rdl. Ein Hans Halvorson har vore bygsel mann der før, og han fær 33 rdl for «sin rødning og bygning af hele pladsen og for sin afståelse». Hans er i 1749 g m Gro Knutsdtr Grøndale. Born er ikkje nemnde. Ho dør i 1760, og Hans gifter seg 2) 1764 m enkje Birgit Nilsdtr. Dei hadde ein son: Halvor 1766. Faren skriv seg det året for Hans Halvorson Hjelman. Birgit Nilsdtr hadde før vore g m ein Tore Arneson. Kyrkjeboka nemner ikkje nokon annan Birgit Nilsdtr den tid. Dei hadde vorte gift 1754 og hadde borna: Nils 1754, Ola 1756, Henrik 1757. I 1777 nemner kyrkjestolen ein Hans Olson i Prestgardhuso. Han levde 1734-85-51 og var ugift, heiter det i skiftet etter han i 1785. Det kan vera at han var frå øvre Ullsåk. So er det ein Tore Olson (f 1732) g 1756 m Guri Olsdtr nedre Ullsåk (f 1733) som bur i Prestgardhuso. Dei hadde ikkje livsarvingar. Ved skiftet etter Guri 1802 er arvingane hennar tre syskin: Bjørn Olson, Knut Olson og enkje Kari Olsdtr og borna etter den avlidne broren Tore Olson: Ola Toreson som held til i Arendal, Sjugurd Toreson som held til på Kongsberg, Bjørn Toreson som held til i Bergens stift, Dis Toresdtr som er g m Mekkel Knutson og held til på Kongsberg, Liv Toresdtr som er g m Embrik Olson i Hemsedal, Ingebjørg Toresdtr som er g m Nils Hallsteinson i Hemsedal, og endeleg Birgit Olsdtr g 1) m Sjugurd Hallbjørshus: *Ola, Liv, Margit*, g 2) m Mekkel Trøym på Ullsåk: *Sjugurd, Guri*. So er det Nils Torleivson Ullsåk g 1803 m Olaug Bjørnsdtr Løkji 1775-1855-80 som fær bygselsetel på bruket 1812. Dei hadde ei dotter: Margit 1803-61-58 g 1825 m Svein Olson Ullsåk. Seinare budde i prestgardhuso Ola Jonson g m Sunnev Torleivsdtr, dei hadde før butt på Imre og i nørde Haga (i Lykkjun) og hadde ein son: Jon 1830-97-67 g 1855 m Birgit Sjugurdsdtr Nyhus 1821-1900-79. Dei hadde: Sunnev 1856 død uttafør, Ola 1857-1947 handelskar og snikker, Ragne 1860-88-28, Sjugurd 1862 bonde på Hjelmane, Kari 1867-1917-50 sjukleg i lang tid. Jon og Birgit budde i Skøtebakka på sine gamle dagar og døyde der. Kring 1887 vart Prestgardhuso kjøpt

av handelskar og skomakar Ingvar Ingvarson søre Venåsbakko 1851-1941 g 1885 m Margit Knutsdtr Åse d.y. 1860-1940. Dei hadde Ingvar 1884-1962 stasjonsbetjent i Drammen g m Olava Steinset frå Krøssherad, Knut 1886-1971 hadde manufakturforretning i Prestfoss, Sigdal, g 1) m Karoline Bjertnes, frå Krøssherad 1890-1926, 2) m Hildur Øen, Steinberg, øvre Eiker, d 1974, Ola 1890-1960 hadde garden, Kari 1894-1974 ugift, budde i Oslo, Oddmund 1897 d, Ingerid 1899 g ca 1919 m enkjemann Ola Larsson Jordheim, dei rtA, han er død, men ho lever, Maria 1902-65 g m Olav Johansen, Drammen. Ola overtok garden 1918, g 1916 m Guri Henriksdtr søre Haugo (60-5,6) f 1897: Margit 1916 g 1946 m Torleiv Myte 1912-69, dei budde på Amot, Modum, Gunhild 1919 g 1942 m Tomas Myte f 1915, dei har Klype (Svarteberg 62-2), Kari 1920 g 1963 m Gunnar Snoksrud frå Ål, dei bur i Drammen, Ingvar 1922, ugift, har garden, Henrik 1924 sagarbeidar hjå T. Kirkebøen, har bygt seg hus på Skogajorde, Alma 1927 g 1953 m Torleif O. Kirkebøen f 1920, Ingrid 1929 g 1952 m banevaktar Sverre Natten i Flå f 1925, Randi 1931 g 1957 m Trygve Pettersen f 1934, bur på Skogajorde (dotter: *Grete-Berit* 1958), Gunvor Olga 1933 g 1960 m Olav Rust i Gol f 1934 (born: *Gunn-Birgit* 1961, *Arne* 1965), Torleiv 1935 bur i Oslo. Ingvar overtok garden 1966. Har bygt nytt bustadhus. Garden har langstøl på Løkjisstølo (kjøpt tilbakers frå Hensrud ca 1926) og ein liten støl på Krøss-stølo som har hørt Åse (61-16) til.

Moen

Gnr 59, bnr 5, lnr 585-87 d. På Moe eller Prestgardhusmoe.

Hans Ivarson Klype (Svarteberg) 18531901-48 g 1879 m Guri Hansdtr Embrikgarde 1857-1954 skal ha bygt her fyrst. Han var ein flink snikker. Døydde av tæring. Dei hadde: Margit 1879-1965 g 1906 m Ludvig Andreassen, Dalheim, Vestfold, har 1881-1969 bonde på Moe, Ingebjørg 1885 med son *Nils* 1906, Hans 1888-1963 skomakar, g 1914 m Anne Hermundsdr Haga frå Hol, budde i sande og seinare i Horten, Barbo 1890-1960 g 1912 m Johan Ekklo på Helgerød ved Tønsberg, Anne 1893 g m Henning Larsen Askehaug, dei bur nær ved Horten, mannen har drive med bilkøyning, Oline 1897 g 1930 m drosjekøyrar Anders Kristoffersen i Oslo, har hytte på Moe, Hans 1901 g 1928 m Jensine Altern frå Nord-Rana, er skomakar og har skotyhandel på Bekkestua i Bærum, hytte på Moe. Ivar overtok garden. Har bygt uthus og stugu. Kjøpte ein støl frå Trøym i Mørekvamdale, der han bygde bu og fjøs. Kjøpte Moslåtta og ein skogteig i Vestlin av Per Jorde, Engjo. Ivar var flink til å dyrke upp og gjera garden betre. I gamal tid fødde dei berre eit par kyr, men med Ivar dreiv på det beste, fødde han hest, 7 kyr og nokre ungdyr. Han vart påskjøna med diplom og sylvmedalje for god jorddyrking av Buskerud Landbrukselskap 1925. Men også denne slette fine garden vart nedlagd som gardsbruk. I 1962 selde Ivar heile garden med støl, slåtte og skogar til *Thomas O. Langehaug* for kr. 85 000, heldt berre att 3-4 mål av eidedomen og ei hyttetomt på stølen. Bygde seg nytt bustadhus 1963. Han var ugift, og når ein mann ikkje har ein huslyd til å hjelpe seg, er det ikkje greitt å drive ein gard. Det har synt og syner seg mange stader i Hemsedal.

Andre huslydar i Løkjisgrenden:

Arne og Kari Løkji med borna: Hans

1704, Sissel 1707. Tore og Anne Løche: Ola 1724.

Ola Olson Løche: Margit 1732, Guri 1733. Halvor Toreson Løkjiseigo g 1770 m Guri Knutsdtr: Kuut 1772. Nils Ellingson f på ein Skarsplass 1779 g m Toræ Torleivsdtr Ullsåk 1778-1848-70 budde på Løkjiseigo: Ola 1808-58-50 bonde i Skarsdøkken, Torleiv ca 1810, ToræTølleiv dei kalla, bonde i Resabakko (sjå der). Nils Nilsson Løkjisplass og Birgit Ørjansdtr er i 1809 innskrivne for å ha hatt til dåpen dottera: Ingebjørg 1809, men det kan vera forveksling med Nils Nilsson og Birgit Larsdtr Vipe. Etter folketeljninga var *det* i 1801 berre två Nils Nilsson i bygden, båe på eit Løkjisbruk. Ola Larsson og Birgit Knutsdtr Løkjiseiga: Guri 1829 d. Nils Embrikson og Anne Monsdtr Løkji: Margit 1827.

Andre døde på Løkji: Ingrid Toresdtr Løkke 1737, 67 år gamal. Reiar Løchen 1740, 58 år. Bjørn Halvorson Løkke 1741, 1 år. Kari Torleivsdtr Løke 1741, 2 år. Gunhild Gautesdtr Løkke 1741, 1 år. Ingrid Løkken 1744, 56 år. Guri Torleivsdtr Løkke 1745, 2 år. Halvor Halvorson Løkke 1752. Bjørn Løkke 1764, 26 år. Ola Ivarson Løchen 1765, 62 år. Sigrid Persdtr Løkkjiseigo 1768, 62 år. Birgit Bjørnsdtr Løkji 1769, 3 år. Ivar Olson Løkjiseigo 1769, 36 år. Kari Olsdtr Løkji, 60 år. Olaug Sjugurdsdtr Løkji 1775, 83 år. Guri Bjørnsdtr Løkken 1775, 85 år. Olaug Jonsdtr Løkji 1782, 71 år. Ola Løkji 1785, 5 år. Guri Olsdtr Løkjiseigo 1801, 58 år. Knut Olson Løkjiseigo 1804. Ola Torleivson Løchen 1810, 4 år. Nils Jakobson Løchen 1810. Tore Olson Løkjisplass 1811, 86 år. Halvor Halvorson Løkji 1813, 60 år. Ola Olson Løkken 1814, 81 år. Ingebjørg Torleivsdtr 1819. Ingebjørg I. Løkji 1840, 21 år. Kari Endresdtr Løkji 1841, 60 år. Embrik Sjugurdson Løkji 1847, 90 år. Barbo Oddmundsdtr Løkji 1871, 88 år.

Ullsåk -gardane

Løkjis-grende og Ullsåk-gardane går i eitt no, men det er truleg at det opphavleg berre var två gardar med kvart sitt vald eller område og at det so etter kvart vart skilt ut fleire gardar og bruk so det til slutt vart ei heil grend både under Løkji og Ullsåk. Gardane er ogso matrikulerte på denne måten. Etter namna å døme må Løkji og Ullsåk ha hørt til den eldste busetnaden i dalen. Det er fem gardar som alle heiter Ullsåk (skrivt Wllensagger, Ulsager, Ulsaker, Ullsåk - grendenemninga er: på Ullsåk). Vidare *Ullsåketeigen*, *Huso*, *Jorde* (som skriv seg Engene), dei nedlagde bruka *Nyhus*, *Hurrabakko* og *Bjødngut-luten* hita åne og *Dølehuso* og *Snuserud* burta åne (i likskap med Løkji har ogso Ullsåk hatt eige på hi sida av Heimsil). alle desse sistnemnde namna ber merke av at det er utskilde bruk. Frå nyare tid har me søre og nordre *Fossheim* og *Bjerkheim*, som er nylaga namn. For seg sjøl står *Klype* (matrikulert som Sorteberg) som har namn etter lendet. I den aller siste tid har me fått dei nyreiste bustadene *Heimtun*, *Granly*, *Granlund*, *Elvely*, *Rosendal*, *Bjerkheimsli*, *Bjørklund* og *Linnerud* utan jordveg og dessutan *samvirkelaget*, *Hallbjørshus*, *Snarkjøp*, *Bedehuset* og det nye skulehuset. Skulen, som no er sentral skule i staden for dei tidlegare Løkji, Torset, Ålrust og Lykkja skulekrinsar, heiter offisielt *Ullsåk skule*. Det har laga seg eit bygdesentrum der den gamle bygdevegen og riksvegen «Lina» møttest, med forretningar, hotell, verkstader og skule. *I dei nybygde bustadene brukar alle sitt opphavlege ættenamn.* Ullsåkgardane har langstolar på Ullsåkstølo ned under Skogshødn, mellom Jordheims-stølo og Løkjis-stølo, og heimstolar i Helsinglien, ei bakli på vestsida av Helsingvatnet. Ullsåk er nemnt fleire gonger på 1500 og 1600-talet. I skattematrikkelen 1647 er det oppført ein Ullsåkgard med *Olluff Wllensagger* som eigar, taksert som halvgard, og ein gard med tre brukarar, den gamle *Knud Wllensagger* og den unge *Knud* og *Suend*, taksert som två halvgardar. I manntalet 1664 er *Olluff* (Olaf), den unge *Knud* (no 48 år) og *Svend* nemnde. Svend er brukar på nedre Ullsåk. Grendenemninga er *Ullsåk*, men skrivemåten har skifta mellom *ulsager*, *ulsaker*, *Ullsaker*.

Nordre øvre Ullsåk

Gnr 62, bnr 3, Inr 597 c.

Etter manntalet av 1664 budde Olaf Ivarson her, og det må vera son hans den har Ullsåk som hadde sonen Tore 1696. I ei sak mot Løkji 1732-34 er det nemnt två brør som bønder på øvre Ullsåk: Aslak Ivarson og Ola Ivarson. Aslak (d 1753) vart g m Birgit Olsdtr Markegøla, og etter kyrkjeboka hadde dei desse borna: Ola 1724, Knut 1727, Ivar 1730, Ola 1734 g m Sigrid Tomasdtr Viljugrein f 1727, bonde i Lien, Henrik 1737, Ingerid 1740. - Ola Ivarson hadde borna: Birgit 1726 d, Birgit 1727 (d 1792, 65 år gamal), Kari 1730, har 1731 g 1758 m Guro Tomasdtr, bonde i Klype (sjå 62-2), Hans 1734 (d 1785, bonde i Prestgardhuso), Knut 1738. Aslak og Ola kan ha hatt fleire born, men kyrkjebøkene for tidsrom et 1713-23 vantar.

I 1747 sel Aslak og Ola heile øvre Ullsåk til verbrørne sine, Nils og Knut Knutson på Torset. Nils, som vart brukar på nordre øvre Ullsåk, g 1738 m Toræ Knutsdtr, hadde borna: Knut 1740 (d før 1784), Margit 1741 med dotter Guri Ivarsdtr 1764 vart g 1765 m Torleiv Jakobson Ullsåk i Skølt, Embrik 1746, Margit 1749, Embrik 1753-1833-80 bonde på Ullsåk og Bjødngutlute, d i Jorde, Dis 1757-1833-76 ugift. Embrik, som ei tid budde i Bjødngutlute, vart g 1) m Kari Persdtr Ålrust. Dei hadde: Nils 1778 (d før 1833), Toræ 1780 g og busett i Holmestrand, Barbo 1782 g 1805 m Ola Knutson Ullsåk, dei budde i Drammen, Per 1786 bonde i Jorde, Torleiv 1789-1841-52 bonde i Hensrud, Margit 1792-1864-72 g 1823 m Ola Embrikson Nilsehaugji. Embrik vart g 2) 1828 m Barbo, dotter til Nils Nilsson Løkjiseigo. Dei var barnlause. - I 1789 selde Embrik tre løbel av Ullsåk og ein fjerdepart av plassen Snuserud med påståande hus (so nær som eit ulvetræ nedst på jordet) til Ola Olson Rundtupp g m Jørønd Aslaksdtr. Ola og Jørønd hadde: Ola 1790 g 1821 m Anne Embriksdtr Skarshaugo, Barbo 1792, Øli 1795, Aslak 1799. - I 1798 selde Embrik sin påbuande gard øvre Ullsåk på 6 løbel til Ola, so nær som eit jorde ved alfarvegen, ein støl kalla Høvda og halve retten til fiskevatnet. Denne eignedomen vart kalla *Jorde* (sjå 62-4), og Embrik med huslyden sin busette seg der. Då Ola Olson dør i 1799, blir garden seld ved auksjon til Øystein Eivindson Skølt for 700 rdl. Jørønd blir g att 1804 m Ola Sjugurdson Ullsåk. Dei var barnlause. Bjørn Sveinson Hallbjørshus g 1785 m Kari Olsdtr Markegøla budde på søre øvre Ullsåk 1789-1802. Han makeskiftar gard med Øystein Eivindson og får att Skølt (her kalla *Elleflassen*). Øystein er g m Birgit Anfinsdtr. Bestefar til Øystein er nemnd i eit dokument frå 1864 som Øystein Eivindson Ålrust (sjå Skølt). Som nemnt under Skølt hadde Øystein og Birgit två døtrar, Anne og Liv, og Liv vart g m ein Torleiv Ro av Uppsata-ætten. Denne ætta vart ein del inngifta i Hemsedal, og me tek med noko av det her: Eivind d 1704 og Margit Torsteinsdtr nedre Ålrust hadde sonen Øystein d 1750 g m Anne Toresdtr bonde i søre Skølt. Dei hadde sonen Eivind d 1789 g m Anne

Mekkelsdtr, bonde i søre Skølt, og Øystein son deira, d 1836, g m Birgit Anfinsdtr vart bonde på øvre Ullsåk. Dei hadde som nemnt døtrene Anne og Liv. Liv vart g m Torleiv øvre Ro i Gol og dei hadde borna: Ola, Øystein, Torleiv, Ola, Birgit d.e., Birgit d.y. og Rangdi. Ola vart g m Kristi Brøto, dei hadde: Liv g m Embrik Finnesgard, bonde på øvre Ro, og Guri g m Ola Rudningji på Tuppeskogji. Øystein vart g m Margit K. Grøto og var bonde på Ro, dei hadde: Torleiv g m Anne Larsdtr Finnesgard, bonde på Ro, Knut g m Sigrid Andresdtr Rusteviken, budde i Skien, Guro g m Svein Ullsåk, bonde på Ullsåk, Liv d tidleg, g m Torjus Finnesgard, Endre g m Ingebjørg Brekke, bonde på Blakkestad, Anne g m Asle Asleson Torset, bonde på Torset, Øystein g m Sigrid Kjedbard, bonde på Jorde i Gol. Torleiv g m Barbo Glømsrud, bonde på Glømsrud, dei hadde: Torleiv g m Kari Olsdtr Tuv, bonde på Glømsrud, Ingebjørg budde på Lauvdøkken, Birgit budde på Tuppehaugji, Barbo ugift buddepå Trandeim, Øystein bonde på Trandeim. Ola vart g m Sigrid Tomasdtr, bonde på Rakel-Ro, Birgit d.e. g m Sjugurd Grøto, bonde på Grøto. Birgit d.y. g m Andres Øndredal, bonde på Øndredal. Rangdi d.e. g m Tomas Trondsgard, bonde på Trondsgard. Odelsgjenta Anne Øysteinsdtr Ullsåk vart g m Halvor Ingvarson Grøv 1781-1840-59, som vart bonde på øvre Ullsåk. Dei hadde: Ingvar 1806 d, Ingvar 1807-4034 bonde på Ullsåk, Øystein 1811-92-81, fekk Ullsåkteigen, Olaug 1814, Birgit 1818-91-73 ugift, budde i Marahaug nedafor Grøv, hadde dottera *Ingebjørg* 1854-1926 døydde ugift på Ringerike, Ingebjørg 1821-40-19, Sigrid 1824-92-68 ugift, Liv 1828 d ung, Liv 1830-75-45 g m Knut T. Grøto.

Sigrid tente kring 10 år hjå Gudlaug Tuv og stelte henne den lange tida ho låg sjuk. Levde si siste tid i Brøto ved Imre. - Halvor, sonen Ingvar og dottera Ingebjørg og 6 andre i Ullsåk-grenden døydde i ein tyfusfarang 1840. Ingvar fekk garden, g 1833 m Margit Knutsdtr Torset 1814-95-81: Halvor 1834-1918-84 bonde på søre øvre Ullsåk, Ingebjørg 1836-62-26 g m Embrik Imre, Anne 1839 d, Anne 1840 rta, g der m Hans N. Myren. - Som enkje vart Margit g 2) 1842 m Endre Sveinson Ålrust 1810-89-79. Dei hadde: Birgit 1843 d, Birgit 1845-84-39 g m Ingvar nedre Ullsåk, Kari 1847 g m Halvor øvre Løkji, Ingvar 1850-1929 fekk foreldregarden, Svein 1853 rta, Rangdi 1857-191659 g m Svein Grøv. Ingvar overtok garden, g 1878 m Liv

Knutsdtr Tuv 1851-1925: Endre 1879-1954 var i Amerika nokre år, men kom heim att og overtok garden, Knut 1880-95-15, Margit 1884 g 1915 m Knut Klype på Bjerkheim (sjå der), Svein 1885-1970, Ola 1888-1973 og tvilingsystera Rangdi 1888 g 1927 m Hans E. Grøndalen, hadde Skølt 52-20, Arne 1893-1964 var heime. Endre overtok garden, g 1918 m Margit

P. Ålrust 1883-1974. Dyrka upp ein god del. Borna til Endre og Margit: Ingvar 1919 g 1962 m Tora O. Schia, f 1926, frå Heddal i Telemark, bur i Hvittingfoss der

han er rekneskapsfører, Per 1921 g 1948 m Grethe Larsen, Oslo, er lagersjef hjå Udis på Hønefoss, Knut 1923 har garden, Kari 1926 g 1954 m Ola O. søre Jordheim, Leif 1925 sagmeister på Hemsedal Andelssag og Høvleri, g 1967 m Sigrid Dokken frå Gol, har eige hus på Torset (sjå der). Knut overtok garden 1948, g 1952 m Birgit E. Svingen, Sletthaug, f 1926. Born: Einar 1959, Magnar 1964. Knut fløtte og fekk seg nytt gardstun, rett ned nedst på jordet. Bygde nye hus både heime og på stølen.

Kjøpte ei stor oppdyrka myr utmed Eikreslåtten av Knut Langehaug, Fossheim, i 1961 for kr. 8000, den hadde før tilhørt Eikre 51-17. Har elles dyrka upp mange mål på eigedom.

Søre øvre Ullsåk

Gnr 62, bnr 1, Inr 597 a.

øvre Ullsåk har frå langt attende i tida vore två gardar, men det har vore mange Sal til og frå slektningar, oppdeling og samenslåing og atter oppdeling (som Hans Flaten seier), so eigar- og brukartilhøva har vore noko innfløkte somme tider. Utanom det som er nemnt under Ullsåk 62-3, tek me her med: Eit dokument syner at i 1806 vart heile skogen som øvre Ullsåk åtte i Vestlin (utover langsmed Heimsil) selt til Ola Endreson Løkji, omlag 1200 mål, for 56 rdl. Halvor Ingvarson (sjå nedafor) fekk att halvparten etter odels søksmal for 16 rdl. Prisen fortel at det var skrale tider. I 1808 sel Embrik Nilsson den eiga han hadde teke undå ved Salet av øvre Ullsåk til Ola Olson 1798, til sonen Per, som var mindreårig. Hans kurator, Knut Intelhus som var morbror hans, har underskrivi skøytet, og det er venteleg han som har lånt han pengane, for i skiftet etter Embrik 1833 var det gjeld til Intelhus. (Etter opplysningar frå Engebret Engene, som har granska dette nærmare, og somogso har gjeve fleire opplysningar, nemnde under Ullsåk 62-3.) Endre Svein son Ålrust på Ullsåk 62-3 let stykkson sin, Halvor Ingvarson 1834-1918-84, få søre øvre Ullsåk. Han vart g 1861 m Barbo Knutsdtr Todøkk på Imre 1831-70-39. Dei hadde: Margit 1862 d, Margit ca 1865-1915-51 g m Tore Langehaug, dei rta, Ingvar 1868-1960 utvandra til Amerika, fekk seg prenteverk, redigerte bladet «Normann» i 16 år og

«Hallingen» 1912-15 og 1934-47, gav ut sammen med Hans Flaten «*Hemsedal og Hemsedøler*» (Fargo 1906), varaformann i Hallinglaget 1907-12, heim att til Hemsedal ein tur i 1947 og i 1953 og 1958 (minneord i «Hallingen» 1960 hefte 191 og i «Hallingdølen» 12-4-1960 med bilete), Knut 1869-1955 bonde på Ullsåk, Ola 1870 rtA. «Det kan trygt sies at Halvor var den mest stillfarende mann i bygden. Hans søn Ingvar skrev om ham, at han hadde ingen uven. Og det var sant sagt. Da min fyrimann på garden her, Ola Eikre, holdt auksjon og hesten blev opropt, bød Halvor Ullsaker 30 daler for den. Ola sa ratt til autonarius Nils Hovtun (d 1912): Slå til! bedre husbond enn Halvor kan hesten min ikke få. - Barbo døde i barnseng, og barnet, Ola, levet att. Halvor levet som enkemann i 48 år. Han sa det selv, at det var kun Barbo han vilde leve sammen med» (HF). Knut fekk garden, g 1900 m Kari Persdtr Langehaug 1875-1942. Knut var en tid varaordfører i heradsstyret og var ein skjønnsam og allsidig interessert mann, men stillfarande han som faren. Fløtte gardstunet lenger ned og bygde nye uthus 1925 og bustadhus 1926. Dyrka upp ein god del heime og på stølen. Born: Halvor 1901 d, Halvor 1902 d, Halvor 1903 bonde på Ullsåk, Per 1905 g 1931 m Ingebjørg N. Grøvo frå Hol, styrar på Sundhov Handelslag i Hol (born: *Kari* 1934, *Anne* 1938), Ingvar 1906-68 rtA og vart gift der 1937, dreiv med byggjearbeid i Belmont, California, Eirik 1909 d, Barbo 1910 g 1946 m Torleiv O. Veslestølen f 1916, Guro 1915 g 1945 m Fritz-Willy Gabrielsen, Lykkjaheim, f 1914. Halvor overtok garden 1941, g sama året m Eline N. Fekjo f 1904. Born: Kari 1942 lærareksamen, g 1968 m bonde Alf-Olav Aakerholt, Hoff i Vestfold, der dei har gard og ho er lærar ved framhaldsskulen, Margit 1944 folkehøgskule og handelsskule, Knut 1948 har jordbruksskule, bonde på Ullsåk. - Halvor bygde nye stølsbus ved stølsvegen. Den gamle stølen (Storegjerda) blir no brukt som kulturbeite. Driftsbygningen vart omattbygd 1962. Knut overtok garden 1972. Har dyrka upp mange mål på øygardsmoe og bygt nytt bustadhus 1973. Han har vore mykje med i det kristelige ungdomsarbeidet og er frå 1974 med i soknerådet.

Bjødngutluten

På Bjødngutlute. Nedlagt bruk.

Då det var sak mellom Løkji og Ullsåk i 1732-34, var det tre gardar på nedre Ullsåk. Kan hende den eine var Bjødngut ut en, den andre Ullsåk 62-13 og den trea Ullsåk 62-10 (HF). På desse tre gardane budde det den gongen:

I Sjugurd Ullsåk med borna: Ola 1726, Ola 1732, Ingebjørg 1735, Sigrid 1738, Steingrim 1741, Lars 1742.

II. Knut Olson nedre Ullsåk d 1737, 45 år gamal, var g m Jørønd Sveinsdtr: Svein 1715, Ola 1717, Barbo 1719, Margit 1721, Guro 1725 (d før 1738), Lars 1728. Det var skifte etter Knut Olson 14-2-1738. Taksmenn: Ola Markegølo, Bjørn Jordheim, Torstein Viljugrein. For enkja møtte Ola Olson Svenkjerud. I buet var det 16 storfe, 20 sauer og 8 geiter, men ikkje hest.

III. På den trea garden budde Ola Bjørnson Ullsåk ca 1691-1761-70 komen fra Løkji, g m Liv Toresdtr (frå Grøto f 1699). I skiftebrev er desse borna nemnde: Tore bonde på Ullsåk, Bjørn 1736, Knut 1738, kari g m Bjørn Olson Rustehaugji, Turi (eller Guri) g 1756 m Tore Olson Ullsåk, Birgit 1741. Etter dei hefte som er nemnde i eit skøyte frå 1802, må ein rekne med at desse huslydane må ha butt på Bjødngutlute fyre den tid: Ola Knutson Ullsåk d 1784 ca 75 år gamal med borna: Dis 1743, g 1764 m Ola Eirikson Ullsåk, Knut 1745, Mekkel 1748-1813-65 hadde garden ei tid, Lars 1751, Håkon 1752. - Om Mekkel blir det fortalt at han var so uhorveleg sterk. Han drog sleden med lasset på gjenom snøfennane når ikkje hesten kom fram, sa Semlen.

Ola Eirikson Ullsåk f på Vøllø 1738 g 1764 m Dis Olsdtr f 1743. I 1773 er dei på Øndredal, 1781 på Hallbjørshus, men i folketeljinga 1801 er ikkje denne huslyden nemnd, so dei er venteleg fløtt ut or bygda. Born: Eirik 1765, Margit 1766, Guri 1768, Ola 1770, Mekkel 1773, Jørønd 1776, Liv 1778, Kirsti 1781. Torleiv Jakobson (d 1785 i Skølt) g 1765 m Margit Nilsdtr Ullsåk f 1749: Jakob 1766 g 1802 m Ingerid Ivarsdtr Myte (sjå Mørken), Margit 1768, Nils 1770 d, Nils 1772 g 1803 m Olaug Bjørnsdtr, Knut 1776-1860-84 g 1815 m Margit Aslaksdtr Skarsdøkken, Toræ 1778-1848-70 g 1804 m Nils Ellingson Hallbjørshus. Embrik nørde øvre Ullsåk (62-3) skal ei tid ha butt på Bjødngutlute. Han kom sea åt Jorde (62-4). Ein Bjørn (Knutson) og Birgit bur på Bjødngutlute. Har ei dotter: Liv 1787. Eit par ektefolk er nemnde, men utan bustad: Nils Oddmundson og Ragne Endresdtr. Då Nils døydde 1791, 69 år gamal, el han kalla Nils Oddmundson Ullsåk. Born: Oddmund 1757-1807-50 budde på Ullsåk, Endre 1764 d som livauremann på Jordheim i 1840. Oddmnd vart g m Birgit Toresdtr, d 1839, 80 år gamal. Dei hadde: Ragne 1787-1873-86 g 1806 m Sjugurd Nyhus, Nils 1790-1862-72 bonde i Eikrehaga, Anne 1792, Tore 1795-1873-78 bonde på Magelinhaugji, Anne 1797, Anne 1798, Barbo 1801-71-70 dreiv som bakstedeie, Rangdi 180486-82 g 1831 m Mekkel Hjelme, Guro 1807. - Ei eller to av Anne-ne døydde venteleg som små, men den trea vart g m Jonas Odland i Bergen. Dei var

barnlause. Sette opp ymsesidig testamente 1858. Jonas døydde fyrst. Og Anne set då upp testamente til fyremun for dei fem borna til Gabriel Odland: Jonas, Camilla, Magdalena, Rakel, Tora, vidare borna til Enok Helland, borna til Rasmus Olsen i Florø og endå nokre andre, men ikkje til slektingane i Hemsedal. Jonas og Gabriel Odland var søner til kjøpmann *Peder Odland* i Bergen, innflyttar frå Jæren, og gift med *Kari Grøto* (1777-1860) frå Hemsedal, og Odland-familien var i gifteskyld med Helland-familien, som likeeins høyrde til haugianarsamfunnet i Bergen (sjå meir om dette i «Dølaminne» 1971). Me kjenner also fleire frå Hemsedal som slo seg til hjå haugianarane i Bergen: Kari Grøto, Ola Ålrust f 1746 og huslyden hans, og so Anne Ullsåk. (Sjå meir om dette under Ålrust 52-2.) Attende til nedre Ullsåk: Her budde Ola Bjørnson Løkji ca 1691-1761-70 g 1731 m Kari Persdtr. Dei hadde: Guri 1733-1802-69 g m Tore Olson i Prestgardhuso, Bjørn 1735 bonde på nedre Ullsåk, Birgit 1741 g m 1) Sjugurd Hallbjørshus, 2) Mekkel Ullsåk. Bjørn vart g 1) 1770 m Eggjerd Knutsdtr Grøv 1741-73-32. I 1773, det året Eggjerd fall ifrå, døydde det mange folk i bygden i sin beste alder, især om våren. Grunnen til dette veit ein ikkje, for det er ikkje nemnt i kyrkjebøkene. Ein har tenkt seg uår med svolt, eller ein smittsam sjukdomsfarang, kan hende nervefeber, dei kalla (tyfus eller tyfoidfieber). Bjørn og Eggjerd hadde ein son: Ola 1772 bonde på Bjødngutlute. Då Eggjerd var død, vart Bjørn g 2) 1775 m Anne Olsdtr. Foreldra hennar var Ola Jonson (Hallbjørshus eller Øndredal) d 1755 og Guri Sveinsdtr, ein veit ikkje kvar dei budde, men dei vart gifte 1745 og hadde borna: Anne 1748, Svein 1750, Ingerid 1754. Bjørn og Anne hadde: Eggjerd 1776, Jon 1777, Eggjerd 1779, Guri 1782, Ola 1784-1873-89 bonde på Hurrabakko, d i Haugo ved Trøym, Margit 1789, Jon 1791-1862-71 bonde i Hallen (Markegølo), Birgit 1793.

Ola Bjørnson d.e. 1772-1854-82 fekk skøyte på Bjødngutluten i 1802. I 1804 vart han g 1) m Margit Embriksdtr Grøto 1777-1810-33. Dei var barnlause. So vart han g 2) 1812 m Margit Larsdtr Grøv 1787-1860-74. Han vart støtt kalla Bjødnguten, Margit Bjørnguta og bruket av dengrunn Bjødngutluten. Halvor ø. Ullsåk, som rtA 1880 og vart farmar ved Walcott, N. Dakota, fortalde at Bjørn ofte gikk og song. Ein vakker, solfylt vårmorgon, då han gikk og brøydde møk, song han: Nu rinder solen op av østerlide, forgylder klippens top og bjergets side.

So fekk brorsonen til Margit, Ola Ingvarson Grøv 56-3 (sjå der), skøyte på garden i 1850 og svara livauve til Ola og Margit. Men alt i 1853 selde han garden til Torstein Huso, som var g m Anne, syster hans. Dei var der til dei i 1860 fløtte til Huso i Eikre (sjå der). Frå då låg dette nedre Ullsåk-bruket, som also på slutten vart kalla Bjødngutluten, øyde og vart uppdelte og selt til andre.

Søre nedre Ullsåk

Gnr 62, bnr 13, inr 601 a.

Her kom Ola Olson Eikre ca 1767-1826-59, g 1) 1794 m Agot Herbrandsdtr nedre Ålrust 52-5. Foreldra til Agot var imot giftarmalet. Ein kveld kom Ola for å hente Agot. Herbrand var ikkje heime, og mor hennar stelte i fjøset. So drog dei sin kos, Ola og Ågot. Bryllupet skulde stå i Eikre. Men då dei reiste åt kyrkjun, hadde Herbrand stengt ridevegen gjennom Ålrust-tunet med bjørkestrangar og grove tyriøter, so bryllupslyden fekk eit svært strev med å få vegen farande. Dei nygifte budde fyrst ei tid på Hustad, so på Viljugrein og so på Purkestad. Frå då vart Ola kalla Purken, og ungane Purkegutatt, Purke-Herbrand, Purke-Rangdi osv. Purkeødden og Purkeøyne i Vanna skal vera oppkalla etter Purken (HF). Til slutt kom Ola og Ågot til Ullsåk. Dei hadde desse borna: Ola 1795-1840-45 ugift, innadørs (tilhaldar) i Grøv, Barbo 1796-1830-34 budde på Ullsåkteigji g 1816, Herbrand 1798-1861-63 bonde på øygarde under Øndredal, Kari 1800-68-68 g 1830 m Trond Snerte, Rangdi ca 1804-79-75 budde i Venåse og på Viko i Gol, Ola 1806 g 1837 m Barbo Nilsongarde på Jordheim og døydde der, Andres 1808-10-2, Borghild 1811-77-68 g 1833 m Bjørn Rustehaugji, Ragnhild 1813 d, Ragnhild 1814 d, Andres 1816 d. Ei Borghild Olsdtr Purkestad d 1803, 6 år gamal, er kan hende dotter deira. Agot døydde eingong i åra 1816-19, og i 1820 blir Ola g 2) m Guro Toresdtr Grøto. Etter at so Ola døydde, ein kjenner ikkje årstalet, vart Guro g att m Endre Oddmundson Øndredalsplass. Foreldra hans heitte Oddmund Person og Barbo Jakobsdtr. Endre og Guro vart buande på ein plass under Ro i Gol. Dei var barnlause og tok til seg Margit Knutsdtr Grøto. Ho vart g m Øystein Torleivson øvre Ro, som vart bonde på nedre Ro. Dei kalla två av borna sine Endre og Guro, og dette vart Endre so glad over at han ga guten i dåpsgåve eit skogstykk som høyrde plassen til. - Gamle-Eivind sa at Purken døydde på øygarde under Øndredal, og det er nok rett, for enkja Guri vart kalla Guro Øndredal då ho gifta seg upp att. Sonen Store-Ola var handelskar, døydde på vegen upp att frå ein tur til Drammen. Vesle-Ola som vart g m Barbo Nilsongarde, budde på ein plass under denne garden. Dei hadde ei dotter: Ågot 1838 g 1860 m Torleiv Furuhaugo, dei rtA 1861, det seiast at dei ogso hadde ein son. Til Ullsåk 62-13 kom so seinare Knut Ingvarson Grøndale 1810-76-66 g 1835 m Margit Knutsdtr Finset 1811-1900-89: Margit 1836 g 1859 m Oddmund Magelinhaugji, dei rtA, Ingvar 1838-1911-73 bonde på Ullsåk, Margit 1840 d, Margit 1841 rtA, Ingebjørg 1843 d, Knut 1844, Ingebjørg 1847 rtA i 1873, Ola 1851-1918-67 landhandlar, rtA og vart skulelærer i N. Dakota, Trond 1855, Svein 1860-1918-57 reiste i 16-års alderen til Amerika, studerte til prest og var prest på ymse stader i Dakota og Wisconsin

til han måtte slutte av helseomsyn, budde dei siste åra hjå Ola bror sin og var då hospitalsprest, g 1887 m Ernelie Sethre d 1903, dei hadde tre søner (bilete hjå Norlie s. 227). Ingvar fekk garden, g 1865 m Birgit Endresdtr Ullsåk 1845 d i barnseng 1884. Ved utskiftning måtte Ingvar fløta husa lenger sør og nedover. Born: Knut 1866-67-1, Margit 1868 rtA og vart der g m ein ifrå Gol, Ingebjørg 1873 rtA, Birgit 1876-1965 g 1913 m Ola T. Hippe i Valdres, Kari 1879-80-1, Knut 1881-1960 fekk garden, Birgit 1884 g 1929 m Ola A. Ullsåk i Hensrud. Ho var oppkalla etter mor si. Knut overtok garden, g 1913 m Maria Trondsdr Haugen under Hippe i Valdres 1882-1953. Han var ein stillfarande, bramfri mann. Knut og Maria hadde ingen born, og då so Ola Hippe var død 1940, selde dei garden til Ivar Hippe, son til Birgit og Ola Hippe, og han og mor hans fløtte til Hemsedal og overtok garden i 1943. Knut bygde so ei kårstugu til seg og Maria. Ivar bygde nytt bustadhus 1953 og nytt fjøs på stølen 1955. Har dyrka upp ein god del fastmark, bygt seg ny gardsveg og ny veg til stølsvollen. Kjøpte ein liten timreskog av Ola Ullsåk i Hensrud uttafor Hjelme 1943. Til heimstølane i Helsinglien vart det arbeidt ny veg omlag 4 km lang 1941-42.

Ullsåkteigen

Gnr 62, bnr 16, inr 602.

På Ullsåkteigji.

Vanieg skrivefarm: Ullsaker.

Barbo 1796-1831-35, dotter til Purken på Ullsåk, vart i 1816 g m Ola Person Grøv 1788-1867-79. Ola kjøpte eit stykke av garden til verfar sin og bygde der, *Ullsåkteigen*, som han vart kalla. Ola vart frå då av jamnast kalla Purkegrøven. Semlen fortalde at Ola var so flink til å dyrke neper. - Neper var so å seie den einaste «grønsak» dei dyrka i fjellbygdene i eldre tid. Mest på kvar gard hadde dei ei nepehøye, gjerne bak stugo (so dei kunna halde auga med om det kom nepetjuvar). I den gamle nepehøya vår med høg stiklebard omkring, ho var forresten ikkje lenger i bruk som nepehøye i min barndom, vaks det og kvannjol, som var gamal medisiplante, og det kan hende at kvannjolen ogso vart dyrka i eldre tid, han har iallfall sett merke etter seg i stadnamna, jfr. stølsnamnet Kvannegrø (OR). Ola og Barbo fekk två born: Per 1819 d, Agot 1821-96-75. Agot fekk garden som odelsgjente og vart i 1837 g m Øystein Halvorson Ullsåk 1811-92-81. Det vart fortalt at far til Ågot var imot giftarmålet, ho var endå so ung. Ein dag dei var i skogen og lauva, kom giftarmålet atter på tale, og faren var imot som før. Då drog ho i veg frå han og sa at no reiste ho for godt. Han let henne gå. Men om ei stund angra han seg, sprang etter henne og ropte: «Du får få ta han Østen, då!» So kom ho attende, vart verande og fekk sin Øystein. Dei hadde: Halvor 1838 d, Barbo 1839 g 1865 m Torleiv Prestgardhuso, dei reiste til Valdres og busette seg der, Halvor 1841-1925-83 fekk garden, Anne 1844 g 1877 m Jon Rasmussen Nordgarden på Modum, Ingebjørg 1846 d. Halvor overtok garden, g 1866 m Kari Henriksdtr Sletthaug 1833-1917-84. Dei hadde: Øystein 1867, Henrik 1870-74-4, Ågot 1872-77-5, Henrik 1875, Ola 1878. Då Halvor hadde vore bonde på Ullsåk i 14 år, reiste han til Amerika. Den 15. april 1880 drog han frå Hemsedal med kone, tre søner og två fosterdøtrar (Birgit og Ingebjørg, syskinborna hans, døtrar etter Knut og Liv Grøto). Det var elles mange hemsedøler i følge den gongen, mellom andre verbror til Halvor, Ola Sletthaug med huslyd. Dei losjerte hjå Nils Høvtuno i Gol fyrste natta. Frå Sundvollen, ved enden av Krøderen, reiste dei med jarnvegen til Kristiania. Der vart dei mottekne av Frederik Lie, agenten for Stjernelina, som skyssa dei til losjiet. Halvor hjalp Lie på kontoret eit par dagar og fekk 10 dalar for det. Dei reiste frå Kristiania den 23. april. Det var so mange emigrantar den gongen at det måtte gå eit ekstra dampskip, og Halvor og hans følge fekk vera med det. Skipet gikk til Hull i England, og derifrå tok dei jarnvegen til Liverpool. Der var dei två jamdøger. Skipet til Stjernelina kunna ikkje ta med alle, Halvor og dei måtte reise med eit av skipa til Allanlina. Etter 11 jamdøger på havet, landa dei i Quebec. Derifrå vart dei sende med eit ekstratog til St. Paul. Det var kvitsundagen, og dei fekk feire si fyrste kvitsunnhelg på emigranthuset i St. Paul. Derifrå reiste dei med kveldstoget og kom til Fargo i N. Dakota 17. mai, andre kvitsunnag. Det var meininga dei skulde slå seg ned i hallingsettlementet ved det noverande Walcott og Kindred, men jarnvegen dit var ikkje ferdig endå, og nokon by der var det heller ikkje. Då dei tok på med busetjinga, hadde dei fire norske mil til nærmaste by, som var Fargo. Men jarnvegen kom sama sommaren, og so vart det ikkje lenge før byane vaks fram. Svein I. Ullsåk møtte dei i Fargo og køyrde dei til hallingsettlementet, der ein del hemsedøler og golvingar hadde busett seg og teke land nokre år fyreåt. Halvor fekk papira sine den 24. mai og tok til å byggje so det sto etter. alt den 4. juli fløtte dei inn i sin eigen heim, der dei vart buande frametter åra. Det var ikkje skog på farmen, men med tida fekk han planta 20 mål skog, hage med frukttre rundt husa osv. I 1921 leverte han farmen til sønene Øystein og Henrik. Den trea sonen, Ola, fekk seg handel i Montana. Halvor fekk mange tillitsombod. Han var soleis sekretar i «Hallinglaget» i mange år og vart kalla «Hallinglaget sin bestefar». Han gløynde heller ikkje heimbygda Hemsedal. Han skreiv ofte heim og sende gåver, m.a. til orgel i kyrkja. (I 50-

års skriftet for «Hallinglaget» i Amerika, «Hallingen» 1957 hefte 179 er det bilete av Halvor i gamal hallingdrakt.) Då Halvor med huslyd rta, vart garden kjøpt av Halvor Olson Skar 1842-1929 g 1880 m Anne Olsdr Intelhus 1847-1935: Rangdi 1880-1968, Ingerid 1882-83-1, Ola 1886-1963, Ingerid 1889-1960. Halvor vart ein gamal mann, og han streva trutt med forkøyring og anna gardsarbeid til han var høgt upp i åra. Ola og Rangdi tok so over, og dei træla med garden i over 20 år. Dei var glade i heimen sin og vilde få bu og hyggje seg der. Dei verna vel om alt dei åtte. Då den nye vegen sørover bygda vart utvida 1947, tok dei ogso ei remse av Ullsåkteigen. Då sa han det, han Ola, til han som kom til å kjøpe garden av dei: «Ho æ brei, denne nye slekte!» Han tykte det var ille. - Då Rangdi vart aleine, tok det til å brenne i stugun ei natt i 1964. Det hadde fata i veggen innafor peispipa. Ho vakna, som godt var, og då rauk det fælt. Elden vart sløkt, so stugo brann ikkje ned. Men mykje av innbuet strauk med, so ho mista mange verdfulle ting. Etter brannen fløtto ho til Bygdaheimen og budde der til sin død. Ola H. Grøthe 1885-1962 g 1915 m Guri Bjørnsdtr Løkji, og som før hadde butt på nørre Fossheim (sjå der), kjøpte Ullsåkteigen i 1952 for kr. 40 000. Han bygde frånyo gardstun nede ved fylkesvegen med nytt bustadhus 1956, der han fløtte inn sama året. Born: Birgit 1916-68 arbeidde på kontor i Oslo, vart gravlagd i Hemsedal, Herbrand 1918-74 (ufør), Torbjørn 1920 kjøpmann i Oslo g 1950 m Randi R. Nilsen f 1922, har hytte på Løkjisstølo, Kari 1932 g 1957 m Kristoffer Kvalsvik frå Fosnavåg i Herøy f 1925, han var på sjøen som stuert i omlag 10 år. Kari og Kristoffer tok over garden i 1962, bygde uthus sama året, ny hytte på stølen, stølsbu og nytt kårhus. Kristoffer selde i 1961 eit jordstykke på omlag 6 mål til brørne Knut og Per Langehaug på søre Fossheim. Borna til Kari og Kristoffer: Gro 1959, Ida 1962.

Mellomste Ullsåk

Gnr 62, bnr 10, lnr 604.

Den fyrste som ein sikkert veit budde her, var soldat Mekkel Olson frå Trøym (son av Ola Olson Ullsåk) 1748-1813-65 g 1775 m enkja Birgit Olsdr Hallbjørshus (58-1) 1741-1772. Son: Sjugurd. Mekkel vart g att 2) 1793 m Gunvor Olsdr Intelhus f 1761. Dei hadde: Birgit 1794, Barbo 1797, Barbo 1798. Son til Mekkel og Birgit, Sjugnr Mekkelson vart bonde på Ullsåk, g 1) 1803 m Anne Bjørnsdtr Øndredal f 1782: Mekkel 1804 d, Bjørn 1805-58-53 budde på Kilo ved Grøto, Birgit 1807. Då Anne var død, vart Sjugurd g att 2) 1811 m Birgit Knutsdtr Brennhøvd frå Gol. I 1814 budde dei på midtre Øndredal, i 1826 på Ullsåk att: Mekkel 1812 d, Anne 1814, Margit 1817, Mekkel 1821, Liv 1826. - Bjørn, son til Sjugurd og Anne, vart g 1830 m Birgit Olsdr Skar f 1802. Dei budde i Kilo og hadde desse borna: *Sjugurd* 1831-1913-82 bonde på Muskemoe, *Ola* 1834-1907-73 bonde på Tørsetjorde, *Anne* 1839 rta, *Mekkel* bonde på Storedal i Tørpo. Anne tente samen med Eivind Bjørnson Purkestadhaugo hjå Ingvar Fausko, og dei vart kjende. Då Anne forsto at ho var med barn, reiste ho til Amerika med ein einaste gong. Lensmann Svein Hansson Hølle, som budde på Intelhusbakko, fekk makeskiftebrev på Ullsåk 62-10 den 6. juli 1816. Han var i beit for pengar og hadde lånt av skattepengane han inkasserte. Staten kravde sitt og lyste til auksjon over Ullsåk. Vart halden på Ullsåk 15. mars 1824. Enkja Gunvor Olsdr Ullsåk møtte med Ola Knutson Imre som lagverje og minna om at ho hadde brukeleg livauere på garden. Ola Imre og Ola Kyrkjebøn møtte som styresmenn for bygdemagasinet og melde frå at Svein var skuldig 5 tunner og 6 skjeeper bygg til magasinet. Svein var personleg til stades, likeso kaveringsmennane hans: Trond og Jul Tuv, Tomas Øygarde, og for Knut Intelhus møtte Ola, son hans. Hans, son til Svein (bonde i Løvehaugji) bad tilført protokollen at han gjorde atterhald om odels- og løysingsrett etter lova. Ullsåk vart selt til Svein Olson Torset for 372 spd og påkostnader.

Svein Torset 1791-1844-53 vart g 1825 m Margit Nilsdtr Prestgardhuso 1803-61-58. På Torset fødte dei vel kring 15 nautskrytyr og på Prestgardhuso i høgda 4-5. «Det var ikke efter aristokratiets kokebok, at en 15 kjørs gutt skulde springe til en 5 kjørs jente. Det skulde vel ha vært en gullhøne fra en 12 kjørs gård mindst. Men Svein var en tankens mann, som ikke la sin livsvei efter aristokratiets paragrafer. Det var surprim nok på Torset, tenker jeg. Men Svein tok jenta og lot surprimet svi» (HF). Svein og Margit budde på Ullsåk i mange år. So kjøpte dei Tuv av Jul og budde der ei tid. Men so vart Tuv teke attende ved odelsøksmål, og dei kom til Ullsåk att. Då Svein var yngre, tente han som skulehaldar i Flå, og «beskikkelsesbrevet» hans lydte slik: «Ungt Mandskab Svend Olsen, der ved Sessions Deputation, Post under 5-9-1815, er afgivet til Skoleholder i Flaa Annex istedenfor den uttjente Ole Olsen, beskikkes herved til Skoleholder i bemeldte Flaa Annex, hvilket Embede han samvittighedsfuldt skulle røgte saavel ved Undervisning efter den Instrux, Sognepresten maatte behage at meddele ham, som ved et sædelig og godt Forhold efter den Ed, han herfor har at aflægge. Hvorimod han nyde den Løn der er eller maatte blive bestemt for Skoleholdere i Flaa. Velsignelse fra Gud tilbyskes ham hertil. Hole Prestegaard 15-12-1815. Kierulf.» Svein var haugianar og heldt oppbyggingsmøte (samlingar). Dei kalla han «Store-Lesarn», so han må ha vore den leiande mellom dei. «Min bestefar Håkon Bergo var påvirket av ham» (HF). Det blir fortalt at Svein reiste på vitjing til

Hauge alt under fengselstida og at han sea vitja han på Bredtvedt. Likeeins sto han i brevbyte med Hauge og fleire av haugevenene. Etter hans død fann dei eit fullt skrin med haugianarbrev. (Sjå meir om Svein hjå Heggtveit: Den norske Kirke i det nittende Aarhundrede II s. 86 flg.) Borna til Svein og Margit: Margit 1826-1915-89 g 1844 m Ola Svein son nedre Ålrust 52-1, Ola 1829 d, Ola 1831-64-33 bonde på Ullsåk, Olaug 1834-1903-69 g 1850 m Ola K. Kyrkjebøn, dei rtA, Nils 1837-82-45 lærar i Etnedalen ei tid, reiste dessutan som bibelbod for Lutherstiftelsen, var veik med helsa so han sistpå laut slutte med læraryrket, kjøpte seg då ein liten jordveg i Lier og reiste åttåt som emissær (sonen *Sven Ulsaker* var prest i Oslo i mange år), Gudlaug 1839 d, Jon 1841-1914-73 tok seminaristeksamen ved Asker seminar slik som Nils hadde gjort, var lærar ei tid, studerte so til prest og var det meste av si tid prest og prost i Vikedal i Ryfylke, var g m Martha Marie Amble, dotter til Christen Amble frå Sogn (dottera *Petra* vart g m misjonsprest, seinare biskop i Bergen, *Andreas Fleischer*). (Meir om Nils og Jon hjå Rudvin: Indremisjonsselskapets historie I s. 278.) Ola fekk garden, g 1852 m Liv Knutsdtr Imre f 1834. «Han kunde sitte og skrive vers - flytende med en gang. Religiøst innhold. Dessverre er alt gått tapt. Var for beskeden til å søke å bevare det fra glemselen» (HF). Ola og Liv hadde: Svein 1853-1918-65 bonde på Ullsåk, Margit 1855 d, Margit 1858 g 1877 m Torleiv Kyrkjebøn, Knut 1859 bonde i søre Myte, Margit 1862-66-4, Ola 1865 bonde på Jordheim. - Då Ola fall frå, vart Liv g att 1866 m dåverande skulelærar Halvor Sjugurdson Grøto som kjøpte Ålstveit. Dei hadde: Sjugurd 1868 bonde på Ålstveit (sjå der), Ingerid 1869 g 1901 med Ola Flato (Ålstveit 55-7), Svein 1873 rtA og vart der drepen av lynet, Ola 1874 hjulmakar og timremann g 1909 m lærarinne Kari Markegølo, busette seg i Rukkedale, Gunvor 1878 g 1902 m Ola Ålrust på Grøterud (sjå der). Halvor og Liv kjøpte Ålstveit i 1882 og fløtte dit. Svein Olson fekk garden, g 1878 m Guro Øysteinsdtr Ro 1858-1903-45: Ola 1879-1966 bonde på Ullsåk, Øystein 1881 g 1908 m Ingebjørg Grov i Gol og busette seg der, *Halvor* 1883 lærar i Gol g 1908 m Barbo Bleikfet, Liv 1886-1903-17, Nils 1888-1903-5, Torleiv 1890 g 1921 m Berta Olava Sognlien, Modum, Svein 1892 rtA, men kom heim att og kjøpte seg gard i Lier, Margit 1895 g 1920 m Einar Henriksen i Vikersund, Anne 1897 g 1924 m banevaktar Paul Helgerud i Lier, Gunvor 1900, Margit 1902 g m handelsstyrar Olav Stubhaug, Fana ved Bergen. - Svein var noko med i kommunestyret. «kallsidig interessert. En hjertelagets mann. Et av de hyggeligste mennesker jeg møtte på min livsvei. Våren 1903 blev han og flere av familien syke av tyfoidfieber. Datteren Liv og sønnen Nils døde. Svein var så vidt bra att, da Guro ble syk og døde. Folk var redde for å komme der. Svein og de største barna måtte greie alt inne. Da de klødte likskrudet på Guro, sa Svein: «E ha kji visst tå at e ha vøre i verdn før, e, men no kan e no sea at e æ i verdn, no då!» (HF). Ola fekk garden, g 1909 m Anne Knutsdtr Trøym 1885-1963: Svein 1911 bonde på Ullsåk, Guro 1914 d, Guro 1916 er heime, Knut 1918-51 ugift, omkom ved ei mineringsulykke i tunnelen mellom Storevatnet og Tessleim, Randi 1920 g 1954 m Torbjørn P. Grøv, Olav 1923 d, Olav 1925 Utdanna gartner, parkarbeidar i Oslo kommune. - Ola var mykje med som kommunal skjøns- og domsmann. Svein fekk garden g 1945 m Ingrid N. Hulbak f 1922. Born: Anne 1946 g 1967 m bygningsarbeidar Gunnar A. Bækken f 1942, son til styraren på Hemsedal Kjøttforretning, bur på Ullsåk (born: *Svein* 1967, *Anita* 1968), Margit 1947, Gunvor 1949 g 1970 m sjåfør Erik Fred Kristiansen i Oslo, Else-Karin 1954, Nina-Oleanne 1963. - Svein har dyrka upp ein god del og bygt mykje både heime og på stølane, ny bu i Helsinglien 1957, bu og fjøs på stølen 1960-62 og nye uthus 1962. Selde två hyttetomter i Helsinglien 1965.

Nørdre Ullsåk

Gnr 62, bnr 17, bnr 605.

Denne og grannegarden skal opphavleg ha høyrte samene, og desse två gardane åtte Ullsåkføssen i hop. Der var det kvern ifrå gamalt og ei tid ei provisorisk sokalla «iskvedn», so dei kunna mala ogso om vinteren. Dei två bøndene som åtte kverna, skulde eingong ro over elva. Då dei var komne utpå, tok dei til å antrast om kverna og vart so uvener at dei tok til å slåst. Båten var ved og skulde fara utfor, so dei laut slutte med slagsmalet og berge seg til lands.

I 1878 vart det ogso bygt sag ved Ullsåkføsse, og det vart saga mykje timmer her fram igjennom tida. Både kverna og saga har gått i handelag hatt mange eigarar fram gjennom åra. Nyss før fyrste verds-krigen vart Ullsåkføssen nytta til eit lite elektrisitetsverk, og kverna vart ombygt for elektrisk drift. På nørdre Ullsåk budde Sevat Olson og Ågot Olsdtr. Dei var frå Ål bae två, budde på Ullsåk nokre år og reiste så til Ål att. Dei hadde borna: Sevat 1826, Eirik 1829, Guri 1832. Så budde Ola Olson Grøto f 1802 g 1836 m Margit sandersdtr Torset (eller Hensrud) 1812-47-35 på Ullsåk til han reiste til Valdres i 1852: Lars 1837, Sander 1838-39-1, Sander 1841 d, Sander 1842, Anne 1845, Ola 1847. Så kom Nils Nilsson Vipe 1786-1874-88 g 1817 m Margit Bjørnsdtr Ullsåk og sea Skølt 1788-1852-64. Dei fløtte hit frå Huso 62-7 (sjå der). Då Margit var død, kom det ordet ut at ho «gikk att ette se». Ho synte seg for Barbo Hurrabakko, grannekjeringen. «Men æ du her no då,» spurde ho Barbo. «ja,» sa ho. «Ka går du ette då?» «E vilde få de te å sea ved denne guten vår (Nils) at han ikkji må gjera det

han ha tenkt se te. o så må de vera gjemilde ved fatifølket.» Dermed vart ho Margit burte. Barbo bar fram bodet. Nils hadde tenkt å gifte seg med Anne Hallen, som Nils Jodøkk seinare vart gift med, men let det vera. Sonen Nils Nilsson 1827-94-67 fekk garden, g 1853 m Ragnhild Einarsdtr Jordheim f i Venåse 1827 d på Nes 1918. Dei hadde: Nils 1854-1942 bonde på Ullsåk og seinare på Belgji i Valdres, g 1887 m Kristi Sveinsdtr Grøndale, Margit 1856-1922, Einar 1858-1922-64 snikker rtA, Gunvor 1860 g 1894 m Ola Kyrkjebøn, jordmor i Hemsedal 1883-1925, Ingebjørg 1862 jordmor på Nes g m Hallgrim Mjølid (Ragnhild, dotter deira, var lærarinne på Trøym og i Lio ei tid), Oline 1864-1908-44 ugift, døydde på Nes, Bjørn 1866, Endre 1869. - Nils var skulelærer ei tid. Ein upplyst og interessert mann, sers hyggeleg og pratug. Skreiv alle dokument for folk. I 1878 selde han Ullsåk, kjøpte att Belgji (Belgum) i Valdres og fløtte dit (born: *Nils* 1888-1956, *Svein* 1890, *Ragnhild* 1891, *Barbo* 1893, *Einar* 1894, *Kari* 1898). Ullsåk vart då kjøpt av Arne Sjugurdson Tuv 1843-1929 g 1880 m Margit Olsdtr øvre Ålrust 1859-1955. Dei hadde: Rangdi 1882-1965 g 1) 1905 m Jon Lauvset og 2) 1919 m Martin Lauvset, Sjugurd 1884-1967 bonde på Ullsåk, Ola 1885-1974 bonde i Hensrud ei tid (sjå der), Margit 1889 g m Bernhard Bjørnstad i Hurum, Knut 1893 g i Valdres, bonde på sandnes i øystre Slidre. Sjugurd overtok garden 1925, g 1930 m Borghild Gunnarsdtr Sundheim frå Ulnes, Vestre Slidre, 1898-1944, ho var dotter til Kari N. Lykkjehaga f 1858. Borghild reiste heim att til Vestre Slidre. Der vart ho sjuk og døydde og vart gravlagd på Ulnes kyrkjegard. Borna til Sjugurd og Borghild: Margit 1931-63, Karoline 1938-54 døydde av poliomyelitt. Margit overtok garden 1954, g 1959 m Arne-Reidar Grønningseter frå Norddal på Sunnmøre. Arne selde fyrst omlag eit mål grunn nedafor riksvegen til Knut Langehaug 1961, og då Margit var død, selde han heile garden med stolar og skog til Erik Langehaug på søre Fossheim for kr. 157500 i 1964. Men det var odelsrett på garden, og dotter til Margit Bjørnstad, Anne-Marie f 1915, g m bonde Arne Ekern, tok att garden på odel. Det var i 1967. Dei laut då betala kr. 183 000. Dei har selt ei tomt til byggmeister Svendsen frå Valdres og ei til Erik Langehaug for kr. 10 000 kvar.

Hurrabakko

Nedlagt bruk.

Dette bruket låg nord opp for Ullsåk 62-10. Dei siste som budde der, var Ola Bjørnson Ullsåk d.y. f 1784, son til Bjørn Olson og Anne Olsdtr. Han kalla dei Vesle-Bjødnguten. Han vart g 1818 m Barbo Olsdtr Torset ca 1792-1876-84. Dei hadde: Anne 1819, Margit 1823-86-63 g m Tore Trøymshaugo, Bjørn og Margit 1829 (tvilingar, døydde tidleg), Bjørn 1831 g m Birgit Magelinhauget, dei rtA, Margit 1835. Bjørn og Birgit budde ei tid i Dalo, Eikre. Bjørn vart ikkje gamal, og Birgit vart gift att med ein sogning, ein ung sprett som endå ikkje hadde fylt 18 år, sa folk. Kva han heitte, er ukjent.

Jorde (Engjo)

Gnr 62, bnr 4, lnr 598. Gamalt grendenamn: I Jorde. Skriveform: Engene.

Embrig Nilsson øvre Ullsåk 62-3 (sjå der) g m Kari Ålrust selde garden sin, men tok undå eit stykke jord (det vart heitande Jorde) og busette seg der. Dei budde der i 1802. Dei skal ogso ei tid ha butt i Bjødngutlute (sjå der). I staden for Jorde kom Engene i bruk som ættenamn og blir nytta soleis den dag i dag.

Embrig og Kari overlet eigedomen til Per son sin 1786-1841-55 som vart g 1) m Ingerid Olsdtr. Dei hadde: Embrik 1812-95-83 bonde i Jorde, Turid 1815, Ola 1818, Ola 1819 g 1848 m Kari K. Skar (i Hemsedal hadde dei: *Ingerid* 1848), Kari 1821, Ragnhild 1823 g 1844 m Knut P. Intelhus, Nils 1826-83-57 ikkje normal, Torleiv 1831-32-1. - Per vart g 2) m Birgit Tomasdtr, dei var barnlause. - Per var ein svær reveveidar. Han hadde eit røvstræe, dei kalla, mellom nokre haugar nord ned på eigedomen. Der fanga han 19 revar frå hausten til inn imot jul ein vinter. Træet var ikring eit par mål stort med eit skråbygt gjerde kring slik at reven kunna koma over og hoppa ned til åta, som var lagt ut der nede, men kom so ikkje upp att. I kjøpeskøytet frå 1789 er det nemnt «en Ulvestue» - ulvestupu som det heitte i målføret - det var kan hende ein innretning for seg sjølv. Ulvestupu, røvstræu og dyregravi (for rein) var mykje nytta fangstmåtar i gamal tid. Ein kan enno sjå vister av slike somme stader. Sonen Embrik g 1845 m Olaug Halvorsdtr Leirehaugji 1822-1904-82 fekk garden: Per 1846 d, Ingerid 1847 g m Andreas Hvidsten frå Ringerike (i Hemsedal hadde dei: *Ola* 1869), Per 1850-51-1, Anne 1852 g m Per Langehaug d.y. rtA 1842, Per 1855-1915-60 bonde i Jorde, Kari 1858 g m Tore Båste rtA, Halvor 1862 rtA og døydde der straks etter, Helene 1866-68-2. Embrik var ein flink fiskar og fiska mykje med garn i Helsingvatne. Olaug døydde brått. Hadde vore i stabburet etter ein brødleiv og var komen inn att i stugusvala, men der hadde ho sige ned. Per fekk foreldregarden, g 1896 m Liv Olsdtr Rakel-Ro frå Gol 1868-1946. Per var netthendt, laga fine ting i nysylv, reparerte klokker, fortinna kaparkjellar, stelte med augo til folk osv. Var sjukleg sistpå han levde. Døydde brått i Gol på reise til Drammen. Born: Olaug 1896-1961 g m Svein Ivarson Skølt (sjå Heimtun 62-36), Engebret 1898 bonde

i Jorde, Olav 1901 g 1936 m Margit K. Grøto (sjå Granlund 62-51), Halvor 1904-16-12, Torleiv 1906 g 1937 m Ingebjørg O. Jordheim (Nilssongard) var sløydlærer på Bjerkely ungdomsskule i Solør i mange år, har no ein liten fabrikk i Moss, Sigrud 1908 g 1936 m Anton Aspen frå Gudbrandsdalen, lagersjef i Christiania Glasmagasinet, Anne 1911 syerske i Oslo, ugift. Engebret overtok garden g 1929 m Ingebjørg S. T. Kyrkjebøen f 1908. Born: Per 1929 g 1958 m sjukeyster Magnbjørg Lunde frå Haugesund, skulestyrar i Vestre Slidre ei tid, styrar ved ungdomsskulen i Hemsedal hausten 1968 (born: *Ingunn* 1959, *Solfrid* 1962, *Marit* 1966), Liv 1931 g 1954 m Svein N. Jordheim (born: *Elin* 1954, *Ingrid* 1956, *Nora* 1959, *Reidun* 1965), Ingrid 1934 g 1955 m bygningsnikker Odvar Komperud frå Solør, dei bur i Oslo (barn: *Jan* 1957), Sigrud 1937 g 1959 m snikkermeister Toralf Overvik i Selbu (born: *Rolf* 1960, *Trygve* 1962), Syver 1939 bonde i Jorde, Harald 1943 utdana som motorteknikar g 1967 m Ingjerd Hansen frå Solør, dei bur på Kongsvinger (har tvåborn: *Marita* 1969, *Ronny* 1972), Trygve 1948 utdana som ingeniør, g 1972 m Marit Stevning frå Numedal, dei bur i Oslo. Engebret bygde nytt bustadhus 1927, ny bu på stølen 1942, nye uthus 1959. Har dyrka upp mykje myr og fastmark heimeog på stølane. Syver overtok garden 1959, g 1968 m Marit Kristine Holm frå Flesberg f 1946. Han har jordbruksskule, har dyrka upp ein del myr og fastmark på stølane og planert ein stor del av heimeeigedom. Bygde om bustadhuset heime 1968, nyttfjøs på stølen 1969, nytt grisehus 1973. Born: Erik 1969, Bjørg 1970, Reidun 1974.

Huso

Gnr 62, bnr 7, lnr 599.

I Huso. Matrikulert under namnet: Engene. Vanleg skriveform: Husene.

Nils Nilsson Vipe, som til slutt vart bonde på øvre Ullsåk 62-17, budde fyrst i Vipe, so på ein Grøvsplass og kom so til Huso, eller Tullehuso som det vart kalla i gamal tid (sjå stadnamntydingane). Han vart g m Margit Bjørnsdtr, og dei hadde desse borna: Bjørn 1817 d, Bjørn 1818 d, Bjørn 1821-64-43, Nils 1826 d, Nils 1827-94-67 bonde på Ullsåk. Bjørn Jonson Hallen d.y. 1822-83-61 g 1852 m Ragnhild Bjørnsdtr Ålrust 1834-1909-75 budde so i Huso: Jon 1854 d, Birgit 1855 d, Birgit 1857 g m Ola Hallbjørshus d.y. rta, Jon 1859-1939 bonde i Tullehuso, Kari 1862 d, Bjørn 1863 rta, Kari 1866-68-2, Kari 1869, Anne 1871, Odd 1873, dei tre sistnemnde reiste ogso til Amerika. Hausten 1883 vart sonen Jon sjuk av lungebrand. Då han so vidt hadde kråna til att, skyssa han far sin til kyrkje, han vilde gå til alters. Ved neste messe var faren død av sama sjukdomen og gravlagd ogso. Jon fekk garden, g 1893 m Barbo Jonsdtr Hødn 1867-1904-37: Bjørn 1894-1922-28, Ragnhild 1897-1972 g 1919 m snikker og timremann Jon Ivarson Skølt 1892-1958. Ragnhild og Jon overtok garden. Jon var ein sterk kar og dugande handverkar og bonde. Dyrka upp mykje heime og på stølen. Var ogso mykje burte på bygningsarbeid. Bygde ny stugubygning 1925, bu og fjøs i Helsinglien og bu og fjøs på stølen, og nytt bustadhus for seg og kona 1949. Ein ulækjeleg sjukdom reiv han tidleg burt. Jon og Ragnhild hadde berre eitt barn: Barbo 1919. Ho vart g 1946 m Svein Intelhus, og dei overtok garden og hadde han til i 1953. Svein bygde nye uthus 1948 og selde ei tomt til det nye Bedehuset like nedafor vegen 1952. Men Svein vart ikkje gamal i Huso. Då farsgarden Intelhus (57-1) vart til Sals, kjøpte han den av bror sin og fløtte dit (sjå der). Huso selde han for kr. 40000 til Engebret Markegård f 1910 g 1952 m Birgit I. Engene f 1917, men heldt att rette stølen og heim stølen i Helsinglien, skogen der og alle rettar, likeso ein timreskog ved Harahaug. Alt dette vart lagt til Intelhus. Huso fekk i staden den gamle Intelhus-stølen. Engebret er byggmeister og har drive mykje med det både før han kjøpte garden og etterpå. Kjøpte småbruket Hensrud med støl og skogar 1954 (sjå der). Selde att Intelhusstølen til Halvor Engene på øvre Løkji og brukar Hensrudstølen i staden. Selde tomt til den nye Ullsåk skule 1959 og ei hyttetomt på heimstølen Fekjo. Har bygt ny hytte til utleige på Hensrudstølen 1966. Born: Ingrid 1952 g 1973 m Gunnar Grande, Holmestrand, har ein gut: *Morten* 1974, Kåre 1953 har yrkesskule og handelsskule, tilsett ved Hemsedal samvirkelag, Ullsåk, g 1974 med Anne-Lise Aukland frå Marnadal, bur heime, har ei dotter: *Eva* 1975, Lars 1957, røyrleggjar ved BMV i Bergen, Astrid 1957 (tviling) tilsett hjå Bjørnebråten, Gol.

Heimtun

Gnr 62, bnr 36. Ny bustad.

Det var byggmeister Svein I. Skølt 1886-1969 som kjøpte ei tomt av Jorde 62-4 og bygde her. Han vart g 1924 m Olaug P. Jorde (Engjo) 1896-1961. Han bygde bustadhus 1924 og uthus 1927. Overtok eit myrstykke i Kilemyren som broren Ivar hadde kjøpt av Knut O. Grøto (63-1), og dyrka upp 5 mål her, so han kunna fø ein 2-3 kyr. Då han slutta med krøter, selde han att dette myrstykket til Svein Store-jorde i Grøtehaga 1946. Svein tente i 10 år hjå klokkar Grøthe på garden 63-6. Der likte han seg godt, fortalde han. Men frå 1912 og utover dreiv han for det meste som byggmeister og sette upp bustadhus, uthus og hytter. Svein var mykje med i det kommunale livet, skjønns- og domsmann osv., og hadde

mange tillitsyrke elles. Han var ein av dei leiande i den kristelege verksemda. I 1964 selde han huset sitt til Margit Brennhovd (frå Skølt) f 1915, for kr. 42 000. Ho er oppvaksen på farsgården til Svein. Ho har sydd og no i fleire år vore lærarinne i handarbeid i folke- og framhaldsskulen. Leigebruar: Trond Hermod Mythe f 1950, g 1973 m Anne Eli Ohnstad frå Aurland f 1955. Barn: Kjartan 1974.

Bjerkheim

Gnr 62 bnr 32. Nyare bustad.

Vart bygt kring 1918 av Knut Tomasson Sorteberg, som han skreiv seg (sjå 62-2). Huset låg like nedafor gamlevegen, tett innåt vegen. Knut 1881-1927 vart g 1915 m Margit Ingvarsdr øvre Ullsåk 1884-1971. Han var ein framifrå flink snikker, laga pløggelister, komoder, bufear, stolar, servantar, stau osv. og inventar som skåp og løkhyller, dører og glas. Og husbunaden han laga, rosemåla han likso vent som dei gamle, kjende rosemålarane i bygden: Kristen og Pål Hulbak, Vebjørn Jegerhaugji, Halvor Sletto, Jørgen Brøto, Knut Ådnehaugji og Elling Furuhaugo. Alt hadde han teke seg til «å se sjøl» utan nokon opplæring. Han sysla og med fotografering og reparering av klokker. Han var allsidig og nevenyttig som få. «Om ham kan anvendes det ord man har hermet efter veidirektør Hans Krag (1829-1907): «Når man kan sin sak og vil sin sak og elsker sin sak, da er det ingen sak» (HF). Knut var ogso sterkt interessert i ideelt arbeid. Han stifta og styrde eit fråhaldslag ei tid, men fekk for få med seg i arbeidet. - Knut og Margit hadde: Thomas 1916, Ingvar 1923. Etter at Knut fall burt, sat Margit i fleire somrar som stølsbudeie i Kvannegrø hjå Peder Imre (stølen er no nedlagd). Huset som Knut hadde bygt, brann ned i 1942. Men Thomas bygde opp att ny stugu 1945. Han vart g 1945 m Anne Eiriksdtr Ålrust 1920-51, ho døydd av poliomyelitt. Born: Kari 1947 har gått på gymnas og vart so tilsett på Trygdekassekontoret i Hemsedal. Thomas arva mykje av det gode handelaget til far sin. Har vore snikker og bygningsarbeidar og arbeidde mykje på verkstaden til Olaf Engene. Var seinare med i eit byggjelag til helsa hindra han i tungarbeid. I 1959 selde han bustaden sin til Hemsedal kommune, det skulde vera lærarbustad til Ullsåk skule, og kjøpte seg so att tomt av Ullsåk 62-13 og 16 og bygde seg hus der (matr.nr. 62-62), bygde seg ogso hytte ved Helsingvatnet. Ein snill, flink og trufast tenar og mann. Han døydd av hjartefeil i 1969, berre 53 år gamal. Ingvar vart i 1952 g m Sigrid T. Engebretsen frå Modum. Han er yrkesskulelærar i Drammen. Har hytte i Helsinglien. Born: Knut 1953, Truls 1956. På Bjerkheim bur no skulestyrar Svein Gjorv frå Inderøy f 1942, g 1974 m Margit Rabbe frå Odda f 1948. Dei har ei gjente: Ingrid 1974. Gjorv tok lærareksamen 1967, adjunkt eksamen 1972. Tilsett ved Trøym barne- og ungdomsskule 1967, ved Ullsåk 1969, styrar frå 1973. Margit Gjorv hadde skulearbeid 1972-75.

Heimtun

Gnr 62, bnr 60.

Lærarbustad ved Ullsåk skule.

Her budde lærar Arne Engebakken 1948-1974 frå Nes, lærar ved Ullsåk skule, g 1972 m Olga Marie Finset f 1949. Barn: Hege 1973. Arne døydd brått ved ei skyteulykke. Olga Marie arbeider no som husstelllærar ved Kongsberg Husstellskule. I Heimtun bur no (frå nyttår 1976) lærar Gudmund Havardsgard frå Ål f 1943. G 1967 m Vigdis Steinnes f 1947 på Nesttun. Dei har ei gjente: Unn Bodil. Havardsgard som har adjunkt eksamen 1970 og utvida cand. phil-eksamen 1972, vart tilsett ved Hemsedal barne- og ungdomsskule hausten 1974. Vigdis er utdana hjelpepleiar.

Hemsedal Bedehus

Gnr 62 bnr 52.

Det fyrste bedehuset, som vart bygt i 1915, vart selt og rivi ned. Det var for lite og dårleg. Samvirkelaget trong ogso om tomta. Det kjøpte so att tomt av Jon Skølt i Huso i 1953, og so vart det bygt nytt hus der. Svein Skølt og Torleiv Veslestølen var byggmeistrar. Det har ein stor og ein liten Sal med til saman 200 sitjeplassar. I kjellaren er det matsal, kjøken, vaskerom osv. I andre høgda eit lite husvære. Bjørn Intelhusbakko i Amerika gav kr. 25 000 til huset. Ei raust gåve frå ein utvandrar. Eit malarstykke (Kristusbilete) er mala og gjeve av Trygve M. Davidsen.

Linnerud

Gnr 62, bnr 48. Ny bustad.

Her bygde Engebret i. Markegård 1946. Kjøpte omlag 2 mål grunn av Rangdi Ullsåk og bygde bustadhus 1946 og uthus 1947. Engebret f 1913 vart g 1) m Olga O. Finset 1920-48 og 2) 1951 m Birgit I. Thorset f 1919. Ho var sjukesyster i bygda i tre år før ho gifta seg og har vikariert ein del

seinare. Born: Lars-Arne 1953, Sigrid-Jorunn 1956. Engebret fekk kjøpt noko skog og jord frå Skar 60-1 på heimstølen Langeset og Gravarsletto og dyrka upp ein god del der. Engebret døydde brått av hjarteinfarkt i 1965. Då han fall burt, byrja Birgit att som heimesjukepleiar i Hemsedal og styrer no Bygdaheimen. Lars-Arne har gått folkehøgskule og yrkesskule og byrja so som elektrikarlæregut ved Christiania Spigerverk 1971. Sigridi Jorunn har gått handelsskule.

Hemsedal samvirkeleg

Gnr 62, bnr 33.

Matrikulert under namnet Fagerheim.

Ligg like sunnafor søre Fossheim mellom Riksvegen og Fylkesvegen. Handelslaget vart skipa under namnet *Sørbygdens Handelslag* i 1917. Fyrste styraren var *Ola Mekkelson Kirkedelen* frå Ål g 1919 m *Sissel Ron* frå Ål. Kirkedelen slutta i 1928 og reiste attende til Ål, der han starta sin eigen forretning. Som ny styrar for handelslaget vart tilsett *Andres Smøttebråten* frå Grønlio i Gol, f 1900. Han hadde før vore tilsett ved Flå Spareforening i 8 år. Han vart i 1928 g m *Ragna Wee* frå Flå f 1896. Smøttebråten styrde handelslaget godt og spara seg aldri når det var tale om å hjelpe folk og arbeide handelslaget fram. Både han og kona likte seg bra i Hemsedal og slo seg til her for godt. Han slutta som styrar i 1965 på grunn av dårleg helse, og han og kona budde så på Ullsåk 62-13. Anders døydde brått av hjartesjukdom 1969. Som ny styrar etter Smøttebråten vart tilsett styrar på Finse samvirkeleg *Petter Bjørkevoll* frå Høland f 1923 g m *Kari Andersen* frå Modum f 1929. Handelslaget vart i hans tid innlemma i samvirkeskipnaden i Hemsedal og heiter no Hemsedal samvirkeleg (avd. 1). Då Bjørkevoll slutta i 1973, vart *Aage Guddal* frå Guddal i Fjaler tilsett som styrar. Han er f 1935 og g m *Arnhild Vindheim* frå Holmedal f 1940. Dei har fire born: *Arnt-Eivind* 1961, *Terje* 1964, *Aage* 1967, *Sonja* 1969.

Halbjørhus Snarkjøp

Feste nr 1 under gnr 62, brn 13. Ny bustad.

Eigar: *Oskar Halbjørhus* f 1933, son av Eline og Engebret Halbjørhus. Var tilsett ved Hemsedal samvirkeleg 1949-67 som fyrstebetjent. I 1967 fekk han bygsla forretningstomt av Ivar Hippe på Ullsåk 62-13, sette opp forretningsbygg og opna handel 22-6-1967. Har husvære til seg og huslyden i 2. høgda. G 1961 m *Bjørg Grøndalen* frå Aurdal i Valdres f 1940. Born: *Tone Lise* 1962, *Berit* 1963, *Oddbjørn* 1967.

Nyhus

Gnr 62, bnr 27. Nedlagt bruk.

Ein Sjugurd Knutson Nyhus døydde i 1733, upp gjeven alder 105 år, den høgste alderen som er oppgjeven i Hemsedal. Men det er ingen kjelde som stadfester at han var så gamal. Det har synt seg at oppgjeven alder er feil for mange. Vidare er oppført Gudleik Nyhus si kvinne d 1762. Så nemner kyrkjebøkene ein Ola Halvorson Ullsåkplasse (frå Løkji) som døydde i 1784. Han vart g 1778 m Rangdi Sjugurdsdtr Nyhus, og dei budde kan hende i Nyhus. Husa i Nyhus sto sør ned for søre Fossheim nedafor «Lina». Ola og Rangdi hadde: Halvor 1778, Sjugurd 1780-1865-85 bonde i Nyhus. Sjugurd vart i 1806 g m Ragne, dotter til Oddmund og Birgit Ullsåk, 1787-1873-86. Ragne hadde vore mykje uttafor i sine yngre år og der lært å flette korgar av tæger og vier kvistar (sjå «Hemsedal» s.76/86): Rangdi 1806, Rangdi 1807 g 1850 m Odd Skøyte, budde i Rukkedale, Birgit 1821-1900-79 g m Jon Olson Prestgardhuso, Anne 1824 gift til Klype på Nes. Denne huslyden var visstnok den siste som budde i Nyhus, og bruket vart lagt øyde. Sjugurd Ålstveit, son av Halvor Ullsåk frå Grøto, kjøpte Nyhus og onna egedomen ei noko lang tid. Men då Sjugurd var død, kjøpte Per E. Langehaug på søre Fossheim og Torleiv O. Veslestølen Nyhus av ervingane for kr. 12000 i 1954, og delte dette jordstykket mellom seg (sjå Elvely 62-45). Per bygde våningshus her 1956. I 1954 vart han g m Signe S. Grøthe f 1923. Born: Stein-Erik 1954, Knut-Harald 1957, Ann-Karin 1961. Signe var på samvirkeleg i 6 år. No har dei (frå 17-12-1962) Hemsedal Telefonsentral i huset sitt, og Signe er styrar for sentralen. - Per var fyrst i Canada 1929-35. Då han kom heim derifrå, køyrde han rutebuss i Oslo i 6 år. Og frå 1943 har han køyrt eigen lastebil, helst langturar til byane. Han har og anlagt campingplass. Det var Knut Torkjellson Brandvøl som bygde ei kråmbu til Ola, son sin, ved dette vegamotet kring 1882. Ola handla her ein tiårs bolk. Så vart kråmbua kjøpt av Eirik Trondson Langehaug 1865-1952, som heldt fram med landhandleriet, i lang tid det einaste i Søbygden. Han «Eirik på Bun» sa me i dagleg tale. Han vart g 1899 m Karoline Knutsdtr Trøym 1881-1967. Dei bygde seg eit tvihøgda bustadhus og byrja med eit mindre pensjonat. Nyta Langehaug som ættenamn. Born: Guro 1900 g 1927 m

tannlækjar Engebret Grøthe, dei busette seg i Bergen, men har hytte på Sørehjalle, Knut 1902 tok over forretningen, Rangdi 1905 g 1932 m lastebileigar Halvor O. Botten i Gol f 1910, har eige hus der (barn: *Gerd* 1937), Kari 1907 g 1941 m tannlækjar Ove Svenkerud i Drammen, har eige hus der, Olga Marie 1909 heime, ugift, Per 1911 g 1954 m Signe S. Grøthe (sjå Nyhus 62-27), Eirik 1913 g 1952 m Vesla Dokksveen frå Nes i Hedmark, er maskinmeister ved Nes Meieri, Kristian 1915 g 1969 m Margit A. Viljugrein, er kjøpmann i Oslo og har eige hus der, Emil 1919 g 1954 m Anne-Marie Gravarmoen frå Modum, han køyrer eigen drosjebil og har eige hus i Vikersund, Olav 1921 g 1952 m Gerda Taraldsen frå Søndeled ved Risør, er kjøpmann i Oslo og har eige hus der. Knut reiste til Oslo i 1929 og køyrde rutebil for Schøyens Bilsentraler i 10 år og hadde ved sida av forretning i 9 år. G 1932 m Kristi O. Sundre frå Ål f 1906. I 1936 kjøpte han foreldreeigedomen Fossheim, bygde nytt og dreiv forretning nokre år, som broren Kristian styrde med ei tid, bygde så nytt hotellbygg (1939) og uthusbygg (1941) og slutta med handelen. Hotellet vart utvida fleire gonger, så det no er 84 sengeplassar. Dreiv dessutan kafeteria. I 1951 kjøpte han den gamle saga og mølletomta ved Ullsåkfossen, bygde seg eige bustadhus der (som blir nytta som«anneks» til hotellet når det trengst), dessutan 10 campinghytter til utleige. Han og broren Per kjøpte dessutan eit stykke av Ullsåkteigji på omlag 6 mål mellom riksvegen og fylkesvegen. Borna til Knut og Kristi: Erik 1934, Kirsten 1945 g 1971 m Tormod Antonsen frå Spydeberg, ingeniør hjå A/S Blokk Vatne, han har overteke farsgarden Hesleskou i Spydeberg. Erik overtok hotellet, kafeteriaen og bensinstasjonen frå nyttår 1968. Har utvida og modernisert hotellet fleire gonger. Kafeteriaen er nedlagd og ombygd til hotellrom. Erik kjøpte ogso ei tomt på nørde Ullsåk av dåverande eigar Anne Marie Ekern, og eit bustadbygg er reist der. Erik vart g 1957 m Åshild Holmgill frå Aremark f 1937. Born: Lisbet 1957, Knut-Erik 1960, Dag-Rune 1965. Erik og Ashild bygde seg hytte ved Storevatnet 1965.

Nørde Fossheim

Gnr 62, bnr 23. Nyare bustad.

Ola Olson Ålrust bygde her i 1901, fløtte hit frå Medgarde i Eikre (sjå der). Som enkjemann vart han g 2) m Gunvor Halvorsdtr Ålstveit. Dei budde nokre år på Fossheim og fløtte so til *Grøterud* (sjå der).

Fossheim vart kjøpt av fehandlar Ola Herbrandson Grøto f 1885, g 1915 m Guri Bjørnsdtr Løkji 1890-1975. Borna til Ola og Guri: Birgit 1916-68, Herbrand 1918-74, Torbjørn 1920, Kari 1932. I 1957 selde Ola Grøto denne bustaden til Knut D. Haugo for kr. 35 000. Far til Knut, Daniel Torson Haugo frå Grønlio i Gol, kom til Hemsedal 1932. Han var skomakar og dreiv med dette handverket i mange år. Dei siste åra arbeidde han for Hemsedal Maskinlag. Under eit grøftingsarbeid på Hallbjørshus vart han ute for ei fæl ulykke. Det var berre sandjord der grøfta vart teken, og rett som det var, rasa sandhaugen ut, og Daniel vart so ille medfaren at han døydde på sjukehuset nokre dagar etter. Daniel Haugo 1906-60 var av Hemsedalsætt. Oldefar og oldemor hans på farssida var Andres Olson Dekko f 1838, g m Gunhild Torsdtr frå øvre Bakke. Dei hadde kjøpt gardsbruket Ludderud (no Midtgård) i Gol. Og Knut, godfaren på morssida var frå Furuhaugo. Daniel vart g 1932 m Olaug K. Berget frå Gol f 1910. Born: Torbjørn 1932 g 1965 m Ingrid Ålstveit (sjå der), Aagot 1935 g 1960 m kjøpmann Torbjørn Havnås, Setskog, f 1933, Knut 1940 g 1962 m Bjørg-Turid Paulsen frå ø. Aker f 1940, maskinkøyrar for Hemsedal Maskinlag (born: *Dagfinn* 1962, *Hermann* 1964), Magne 1943 maskinkøyrar g 1969 m Signe Granli frå Gol f 1949 (born: *Wenehe* 1969, *Ingunn* 1971), Gunnar 1946 ogso maskinkøyrar, g 1964 m Unni-Merete Sommerstad frå Oslo f 1946 (born: *Leif* 1966, *Bente* 1968, *Reidar* 1969).

Granly

Gnr 62, bnr 50. Ny bustad.

I 1940 kjøpte Rasmus i. Eikre, son til lærar Lars Eikre, 3,5 mål grunn av Engebret Engene (62-4) og bygde her, bustadhus 1940 og uthus 1957. Rasmus f 1909 vart g 1940 m Ingrid S. Gunvaldgard f 1916. Born: Lars 1944 d, Lars 1945 sivilingeniør, g 1973 m Eldbjørg Risdal, Skåbu, dei bur i Eidfjord (sonen *Rune* døypt i Hemsedal 1974). Rasmus var fast sjåfør for A/L Hemsedalsbilane i 23 år, køyrde for det meste ruta Gol-Lykkja sommarstider, og elles mykje turkøyring. Byrja so *Hemsedal Maskinlag* samen med Ivar Hjelman og Knut Møllerplass. Desse två slutta snart og i staden kom Kollbjørn Helgerud med, og han og Rasmus driv Maskinlaget no. Har hatt arbeid både inna- og utabygds. Dei kjøpte tomt hjå Ingvar Sletto og bygde verkstad og garasjar der 1954-55. Rasmus kjøpte ogso garden av Ingvar Sletto 1964 med støl, slåtter og skog for kr. 64000, det som var att av eigedomen etter at fleire tomter var fråselde. Rasmus har ogso ein jordeigedom nord for Lykkja som han overtok etter foreldra sine, dessutan två tomter og ein skog som Ingrid fekk etter foreldra sine. Dei har bygt 5 hytter.

Granlund

Gnr62, bnr. 51. *hustad.*

har: Olaf P. Engene. Olaf fekk kjøpt ein lut av Jon Skølt i Huso 62-7 nede ved vegen og busette seg der. Han var den første i bygda som byrja med smie og snikkerverkstad. Han gjekk i snikkerlære hjå Knut Sorteberg på Bjerkheim, seinare arbeide han på Ullsåk sag og høvleri som sagmeister og ved sida av køyrde han drosje for Hemsedal bilselskap. Var i nokre år samen med byggmeister Ola Stillingen til han i 1931 fekk ei tomt hjå Engebret, bror sin (62-4) og bygde smie og snikkerverkstad der, utvida i 1963. Etter kvart vart det meir arbeid med bilar så som bygging av karosserier og lasteplan, seinare oppretting og lakkering av bilar. Kjøpte tomt av Ullsåk 62-1 i Helsinglien og bygde hytte der i 1947. Olaf har vore skjønsmann og med i kommunestyret. Bygde bustadhus i 1936, vart sama året g m Margit K. Grøthe f 1910. Born: Lilly 1937 g 1958 m Arnt A. Bekken, Marie 1938, g 1957 m Ola E. Svingen, Slethaug, Per 1945 g 1969 m Ragnhild Heggelund frå Stange, Kari Grete 1954 g 1974 m Bjørn Haraldsrud, Drammen, dei har ei gjente: *Liv Marit* 1975. Leigebruar: Bjørn Hauge frå Moss f 1951 g 1974 m Ella Marie Mythe f 1955.

Elvely

Matr.nr 62-27, 45.

Ny bustad.

Torleiv O. Veslestølen kjøpte 2,7 mål av det gamle bruket Nyhus av arvingane etter Sjugurd og Birgit Ålstveit 1954. Torleiv f 1916 vart g 1946 m Barbo K. Ullsåk f 1910. Barn: Ola 1947 folkehøgskule og yrkesskule, tømmerlina. - Torleiv er byggmeister, og dette arbeidet har vore hans faste yrke i lang tid, i det siste svært mykje hyttebygging. Han kjøpte omlag 100 mål timreskog i 1947 av garden søre Skølt. Den nye heimen ligg nær elva og fekk difor namnet Elvely. Torleiv bygde seg husvære her i 1957.

Bjerkheim

Gnr 62, *bnr* 62.

Eigar: Kari Bjerkheim f 1947 (sjå Bjerkheim 62-32)

Leigebruarar Sven Tomas Carlstrøm frå Sverige f 1942. Driv postordreforretningen «Skandinavisk Høyfjellstutstyr A/S». G 1973 m Sissel Astrid Andersen frå Ski f 1950. Barn: Geir 1975.

Rosendal

Gnr 62, *bnr* 81. *Ny bustad.*

Byggmeister Magne-Sigmund Svendsen frå Nord Aurdal, f 1940, kjøpte ei tomt 1967 av dåverande eigar av nordre Ullsåk, Anne Marie Ekern, for kr. 10 000 og bygde her. Han vart g 1962 m Eli Grøtting ogso frå Nord Aurdal, og dei kom til Hemsedal sama året. Born: Terje 1962, Knut-Ivar 1965, Gjermund 1969. Bygde hytte i Helsinglien 1972.

Bjørklund

Gnr 62, *bnr* 87. *Ny bustad.*

Eigar: Per O. Engene f 1945, son til Olaf Engene. Yrkesskule og kurs i billære og oppretting og lakkering av bilar. Bygsla tomt hjå Syver Engene 62-4 og utvida verkstaden samen med far sin 1969. Overtok verksemda 1970, som no fekk firmanamnet: *Engene Karosseriverksted*. I 1971 kjøpte han tomt av Engebret Markegård Husene 62-7 og bygde seg bustadhus der, som fekk namnet *Bjørkiund*. G 1969 m Ragnhild Heggelund frå Stange f 1948. Born: Lena 1970, Ove 1973.

Hemsedal Andelssag & Høvleri

Gnr 59, *bnr* 63, 64 og 75, 76.

Ligg sørpå Svøo.

Ein del skogeigarar slo seg samen om dette tiltaket, og verksemda kom i gang 1949. Etter vedtektene er det berre skogeigarar som kan teikne andelar, og ved utgangen av 1973 var det 85, dei fleste frå synste luten av bygda, med di det meste av barskogen finst der. Fyremålet var leigeskur til eige bruk for andelseigarane, og elles foredling og omsetning av skogvyrke. : Bruket kjøpte i 1969 ein trelastforretning i Aurland i Sogn, og frå 1972 tok bruket ogso til å føre byggvarer. Det er no 10 mann i arbeid på sagan, som har ein årsomsetnad på kring 2 millionar kroner. *Halvor Thorset* var disponent frå starten fram til 1952, deretter *Engebret i. Markegård* fram til 1966. Sea då har *Norvald Lirhus* frå

Voss vore disponent (sjå Bjørneset 59-92).

Snuserud

Gnr 62, bnr 19.

i Snuserud. Nedlagt bruk.

Snuserud burta åne høyrer no til Prestgardhusmoe. Elling Ivarson 1743-1814-71 g m Birgit Knutsdtr (i 1784 blir ho kalla Margit) budde i Snuserud. Elling var son til Ivar Ellingson og Dis Torleivsdtr. Det står ikkje nemnt bustad for desse, men det kunne tenkjast at det var i Snuserud. Ivar og Dis vart g 1740 og hadde desse borna: Elling 1739, Hallstein 1741, Elling 1743 bonde i Snuserud, Knut 1746, Ragne 1748 (med son: *Ivar Person* 1771). Elling og Birgit (eller Margit) hadde: har 1781 bonde i nørdre Myte (Huso), Helgæ 1784. So budde Nils Nilsson Vipe i Snuserud, g 1836 m Gunhild Halvorsdtr Leirehaugji f 1809. Nils døydde tidleg. Gunhild sat att som enkje og streva til livsupphald for seg og dei två sønene sine: Nils 1836-ca 1915 rtA 1861, Halvor 1839 rtA 1861 og døydde der sama året. Mor deira følgde med til Amerika. - Etter det Halvor Ullsåk i Wallcott har fortalt, var Gunhild eit sjeldsynt godt menneske. «Han sat hos familien stundom i kveldsetene, mens de var i Hemsedal. Det rådde alltid en god ånd i huset, som virket på Halvors sinn, så han følte sig hygget den stund, han sat der. Gunhild var flink øiendoktor og søktes av mange. Det var ikke skikk, heller ikke anledning, å gå til doktor med hver liten skavank da. Nils Snuserud og Halvor Ullsåk treftes i Amerika efter 25 års forløp. Begge gråt ved gjensynet» (HF).

Dølehuso

Gnr 62, bnr 5, Inr 603 b.

i Dølehuso. Nedlagt byggesbruk.

Dølehuso låg nord for Snuserud. Her budde Ingvar Knutson g 1771 m Kristi Eiriksdtr (i 1790 er dei på Bakke): Kari 1772-1801-29 g 1792 m Aslak Bakke, Knut 1774-1842-68 bonde på Bakke, Eirik 1777--1849-72 bonde i Dølehuso, Sigrid 1790. Eirik overtok bruket, g 1806 m Sigrid dotter av Jon og Liv Hallbjørshus 1779-1849-70: Kristi 1808 budde i Dølehuso, Liv 1811-42-31 budde på Intelhus, Kari 1815-98-83 g m Torstein Vøllo, Sigrid 1818 g m Nils Båste. Kristi fekk bruket g 1827 m Eivind Søbhelhaugji: Liv 1828, Sigrid 1829 d, Ola (d ung), Ola 1831, Eirik 1833 d, Sigrid 1835, Eirik 1837 d, Eirik 1838, Anne 1841, Sjugurd 1843, Bjørn 1846 d, Jon 1847 d, Bjørn 1847 d (tviling), Bjørn 1848 d, Liv 1849 d, Liv 1850 - altso 16 born i alt. Huslyden rtA i 1850.

Klype (Sorteberg)

Gnr 62, bnr 2, Inr 597 b.

Gamal grendenemning: I Klype. Noverande eigar skriv seg Sorteberg.

Dette bruket ligg på ei flate upp under Tørsetåse på søraust-sida. Det er eit klype i åsen ovafor, og difor vart bruket kalla Klype. Ein Ivar frå øvre Ullsåk fekk skøyte på denne plassen. Han var f 1731, son til ein Ola Ivarson øvre Ullsåk. Han vart g 1758 m ei Guro, dotter til ein Tomas Toreson, kvar han var ifrå er ukjent. Ivar og Guri hadde: Ola 1758 g 1791 m Barbo Toresdtr, Tomas 1762-1837-75 bonde på eit Ullsåkbuk (kan hende Klype), Hans 1768. Tomas Ivarson vart g 1809 m ei Ågot Torsteinsdtr d 1857. Dei budde på Hallbjørshus, Løkjiseigo og Ullsåkeigo (truleg Klype). Dei hadde: Guro 1810, Ivar 1813-83-70 bonde i Klype, Anne 1821-40-19, Ola 1827. - Ved skylddeling 1878 vart plassen frådelt øvre Ullsåk og kalla Sorteberg, som sea har vore i bruk som skriftform (i matrikkelen for 1886 og 1904 skrivi: Svarteberg). Ivar overtok bruket, g 1) 1840 m Margit Andresdtr Skarspasse 1808-42-34. Dei var barnlause. Ivar vart g 2) 1844 m Margit Sveinsdtr Nihaugji i Grøndale 1816-66-50. Ho låg sjuk i lang tid og låg då og les utanåt av barnelærdomen, stille og fornøyd. Born: Tomas 1846-1917-71 bonde i Klype, Ågot 1847 d, Svein 1849-1905-56 bonde i Skarshaugo, Eivind 1856-1926 bygde seg lauskarstugu på Moe, Hans 1859-1901-48 bonde på Prestgardhusmoe. Tomas overtok bruket, g 1876 m Anne Knutsdtr Berget 1848-1930 frå Gol. Tomas var ein av dei flinkaste snikkerane i Hemsedal. Han døydde brått. Born: Ivar 1876-1943 bonde i Klype, Margit 1879-96-17, Knut 1881 budde på Bjerkheim (62-32), Birgit 1886-1941 g 1908 m Nils Myte (sjå der), Ola 1895, han reiste til Kristiania då han var 18 år gamal og arbeidde hjå Halvor T. Løkji i 33 år (på Ris og økernbråten) som mjølke- og iskøyrar. Deretter lagermann hjå Jakobsens Fargeutsalg i 18 år, som ein forstår ein tru og avhalden tenar etter som han var so lenge på kvar stad. Han hadde kunstmaling som hobby, fortalde han ved eit høve i heimbygda då han var 75 år gamal. Han var trulova i lang tid med ei jente, men ho vart sjukleg og døydde frå han, so det vart ikkje noko giftarmal.

Ivar overtok Klype, g 1918 m Birgit Pålhuso 1873-1943. Klype hadde støl på øvrestølo samen med Torset. Ivar selde denne stølen og kjøpte att ein støl på Heggjissetto i Mørekvamdale 1920. Ivar og

Birgit hadde ikkje born og tok difor til seg Thomas N. Mythe, systerson til Ivar. Han overtok gardsbruket i 1940. G 1942 m Gunhild O. Prestgardhuso f1919. Born: Ingar-Nils 1944, Odd-Bjørn 1946, Bjarne 1947, Guri 1953-61. Guri sette livet til etter ei bilulykke. Ho gjekk framom rutebussen ho hadde vore med, ved Moen bru. Kom ut i køyrebanen, og med det sama kom det ein annan bil, som køyrde forbi og råka henne. - Thomas bygde nytt bustadhus 1961 og nytt fjøs på stølen 1941 og har dyrka upp mykje fastmark. Har vore fast arbeidar på Hemsedal Andelssag frå byrjinga. Odd-Bjørn utdana seg som elektrikar og vart i 1969 g m ToriId Jensen frå Oslo, der dei no bur, har två born (Kennet 1969, Evi Sjanett 1973). Bjarne vart g 1970 m Tordis-Kjellaug Grøndalen frå Nord-Aurdal f 1949. Arbeider på Hemsedal samvirkeleg avd. 2, två born Kjell Terje 1970, Hilde 1973. Ingar-Nils arbeider som sjåfør for Langehaug Betongindustri, g 1974 m Gunhild Hulbak, har eit barn (Tommy 1975).

Andre huslydar i Ullsåkgrenden:

1. Knut Person Ullsåk g m Olaug Olsdtr. Skifte etter henne 1671.

2. Jehans og Birgit Ullsåk g 1705: Je hans 1705.

3. Knut Ullsåk hadde: Guro 1725, Lars 1728.

4. Lars Ullsåk med son: Steingrim 1730. 5. Asle Ullsåk med son: Ola 1733.

6. Tore Olson Ullsåk, d 1780, g 1744 m Jørønd Knutsdtr (Tore er ikkje sonen til Ola Torson Engjo): Ola 1745, Knut 1747-1820-73 bonde på Imre g m Margit Knutsdtr, Birgit 1748, Birgit 1750, Håkon og Embrik 1752.

7. Knut Knutson Ullsåk g 1746 m Anne Halvorsdtr: Margit 1747, Mari 1750-1804-54, Helge 1756, Ingerid 1758, Margit 1762.

8. Tore Olson nedre Ullsåk, d 1780, g 1755 m Kari Sjugurdsdtr (må tru om det er den ovafor nemnde Tore Olson som er gift andre gongen): Dis 1756 g m Mekkel Øndredal, ukjend bustad, Ola 1758, Liv 1761 g 1784 m Embrik Olson, Sjugurd 1764, Ingebjørg 1767-1849-82 g 1791 m Nils Hallsteinson Tørseteigo, Bjørn 1776.

9. Knut Olson Markegølo budde på Nedre Ullsåk g 1) m Kari Hansdtr Trøym., Ola 1773 (d 1792 eller 1805), Knut 1775- 1840-65 døydde som tilhaldar på Ullsåk, Knut 1779. Ein av desse Knut-ane var g 1804 m Sigrid Vilhjeldsdtr. - Knut Olson nedre Ullsåk g 2) m Birgit Olsdtr (frå ei anna bygd) d 1811 ca 48 år gamal: Kari 1788 oppkalla etter fyrste kona, Kari 1791 Guri 1793-1811-18, Ola 1796, Ola 1797 d, Jørønd 1798 g 1820 m Ola Embrikson Grøto, Ingebjørg 1803.

10. Ein Knut, son til Knut og Kari Ullsåk vart g 1804 m Sigrid Vilhjeldsdtr Nyhus d 1849 ca 69 år gamal (kan hende det er ovannemnde Sigrid Ullsåk): Kari 1805, Ola 1808, Knut 1810, Vilhjeld 1813 Birgit 1817 d, Toræ 1821. '

11. Andres Anfinson Ullsåk, d 1772 på Grøteteigo, og Kari Tomasdtr g 1746: Anfin og Sigrid 1751, Anfin 1756-1803-47 budde på Tørset (Anfinhaugji).

12. Gudtorm og Sigrid Ullsåk g 1788. I 1722 nemnt under Bakken (Hurrabakko): Liv 1789, Birgit 1792.

13. Ola og Guro (Gro) Ullsåk. Det kunna tenkjast at Guro er feilskriving for Jørønd, og at det altso gjeld Ola Olson og Jørønd øvre Ullsåk. Dei hadde sonen Aslak 1794 og både namnet Aslak og årstalet kan høve.

14. Embrik Olson g 1784 m Liv Toresdtr Ullsåk f 1761: Ola 1786, Tore 1792, Andres 1795, Marte 1798, Embrik 1805, Ola 1808.

15. Ola Knutson Ullsåkeigo g 1805 m Barbo Embriksdtr f 1782 (tru om denne Ola er son til Knut Olson og Kari Hansdtr, f 1773). Ola og Barbo budde i 1806 på ein Ullsåkplasse, 1808 på Markegølo, 1810 på Løkji og 1813 i Rusto. Dei hadde: Kari 1806, Knut 1808, Embrik 1810, Nils 1813 (d 1840).

16. Ola Toreson Grøto, son til Tore og Anne Grøto, f 1776 eller 1782, g 1814 m Ingerid Embriksdtr Ullsåkplasse, dei budde ogso på Grøto: Tore 1815, Embrik 1819.

17. Ola Embrikson Grøto, truleg son til Embrik Trondson og Margit Olsdtr Grøto, g 1820 m Jørønd Knutsdtr (kan hende dotter til Knut og Birgit Ullsåk, f 1798): Birgit.1820, Margit 1822, Guri 1824, Embrik1826.

18. Halvor Vebjørnson g m Guri Bjørnsdtr Ullsåk: Mari 1829, Vebjørn 1832, Margit 1835.19. Embrik Olson g m Marte Hansdtr Ullsåkeigo: Ola 1832 d.

20. Lars Olson g m Birgit Olsdtr Engen (Engjo).

Tørsetsida

Midt i bygden vesta åne (Heimsil) ligg det ein lang ås, Tørsetåsen dei kallar, omlag like lang som frå Løkji til Trøym, 742 moh på det høgaste og noko lågare nørdest. I solhellinga på vestsida er det ei heil grend, og her på *Tørsets;un* (utt. er Tørset-sia, på Tørset-siun) har det vore busetnad frå gammalt av. Tradisjonen vil ha det til at Tørset frå fyrsten var støl til Løkji, og endinga -set kunne tyde på det. Men i så fall Iyt det vera lenge sea. Skattematrikkelen av 1647 nemner två sjøleigande gardar der, båe «med bøxel» (dvs. bygselbruk under garden), og folketeljinga av 1664-66 nemner tre, dessutan Skar. Namnet Tørset eller Torset finst fleire stader i landet, men tydinga er uviss, og dei trur helst ikkje at ho har noko med den mytologiske Tor å gjera. I 1528 er namnet skrivi Tosum, som venteleg må vera ei feilskrivning, i 1578 Tordset og i 1593 Thorsetter. Grendeuttalen eller rettare sagt bygdemalsuttalen er *Tørset* (eller nøgnare Tørsset), men alle skriv seg *Torset* (eller Thorset), og me har nytta den forma her i boka. Dei fleste gardane har støl uti Tørsetlin eller Vestlin, dei kallar, på Krøss-stølo og Siresletto, og hamnar der til møtes med Gol og Ålsgjeld. I eldre tid var det stølår ogso somme andre stader. Fram mot notida var det 5 Torset-gardar, og frå desse er det skilt ut 15 mindre bruk, fyrst som bygselbruk, sea som sjølelgarbruk. Nokre av desse er no nedlagde. Frå nørstre Torset er skilt ut: Steinteigen, Snerteaugen, Jorde, Åsen, Moen, Anfinhaugen. Frå Andresgarden: Søre og nørstre Hødn, Høvda, Magelinhaugen. Frå Uppistugun på Torset: Nilshaugen. Frå Aslegarden: Jøgerhaugen, Atnehaugen, Rudnmgen, Hagjin. Jegerhaugen og Høvda er på burtsida av Dyrja, likeeins Øygarden (støl), på hitsida Nilshaugen og Atnehaugen, på nordsida Gamlestølen og Jøta. Elva Dyrja, som kom ned frå satefjelle, vart teken med i Hemsilreguleringa, og det er bygt fangdam ved Feten. No slepp dei skadeflaum av denne elva, og det vart lettare å dyrke upp jord langsmed det gamle elvefaret.

Nørstre Skar

Gnr 60, bnr 7, lnr 590 a.

i Skar. Burde helst skrivast Skard, for namnet har tjukk l.

Skattematrikkelen av 1647 nemner ein *Michell Schiar*. Garden var skattlagd som øydegard og skulde «med bøxel» betala ei halv hud, utrekna til halvannan dalar. Ved folketeljinga i 1664-66 er namnet skrivi Skalødegaard, og eigaren, Nils, er 50 år. Vidare bur det två brør der, som båe er dvergar, *Tomas Larsson* 28 år og *Ola Larsson* 30 år. Den 18. september 1684 er det utferda eit bygselbrev på bruket til Knut Nilsson, som skal ha det på sama vilkår som far sin. Den fyrste kyrkjebøkene nemner, er Knut Nilsson Skar d 1718 g 1) m Dis Knutsdtr Mehus frå Tørpo d 1699. Dei hadde: Mekkel, Ola, Guri g m Embrik Jonson i Lykkjun, Knut 1694, Nils 1697, Dis 1699. Knut vart g 2) m Margit Knutsdtr, og dei hadde: tvilingane Embrik og Anne 1702 som døydde två og tre veker gamle, Anne 1704, Embrik 1707, Nils 1710, Knut 1712, Jørønd, Margit. På skiftet etter Knut var Ola Markegølo, Halvor Torset og lensmann Jon Hallbjørshus registratorar, og Mekkel Mehus frå Tørpo møtte for Dis, syster si. Av krøter hadde buet 2 hestar, 29 storfe og 71 sauer. Det var såleis eit bra bygselbruk. Margit fekk 8 rdl i godtgjersle for gravferdsutgiftene. Neste brukar i Skar var Ola Knutson Skar d 1769 ca 82 år gamal. Han var g m Kari Olsdtr Markegølo 1699-1784-85: Anne 1719-73-54 g m Hans Nilsson Hølle, Knut bonde i Skar, Birgit g m Knut Embrikson Uppistugun Torset, Guri 1734 g m Bjørn Halvorson Løkji, Asle 1736 d tidleg, Asle 1739 d tidleg, Asle 1740 skulemeister g 1767 m Margit Endresdtr øndredal, Ola d.e. 1742, Ola d.y. (174?) g m Birgit Arnesdtr Hersga (Hertsgard) i Gol. Sonen Knut fekk garden, g 1762 m Birgit Olsdtr. Dei hadde: Kari 1763 g 1796 m Svein I. Vøllø, Ola d.e. 1765-1850-85 bonde i Skar, Barbo 1767 d før 1773, Ola d.y. 1768, Knut 1771-1825-54 g 1802 m Margit Andresdtr Finnset, bonde på Finnset. Ola d.e. fekk garden, g 1796 m Kari Knutsdtr Trøym 1775-1848-73: Knut d.e. 1797 bonde fyrst i Skar og så i Torsethaga, Knut d.y. 1798 bonde på øvre nørstre Torset, Birgit 1802 g 1830 m Bjørn Kilo d ca 1865, Kari 1805-72-67 g 1832 m Vilhjelm Skarshaugo, Anne 1807 g m Ola O. Eikre, ho døydde i fyrste barnseng, Barbo 1810 g 1831 m Ola O. Eikre som kjøpte Ringen i Nørstre Aurdal, Herbrand 1810 d, tviling, Herbrand 1813, Kari 1817. Systrane Kari d.e., Birgit og Barbo vart sinnssjuke, hjå Birgit braut sjukdomen ut då ho var i likferda etter far sin. Det tok henne med raseri, og mann hennar, Bjørn Kilo, som var ein sterk og før kar, makta berre så vidt å halde henne. Seinare vart ho stillare, men vart aldri god att. Ho for mykje kringom på gardane med tullprat. «At en Anne var Ola Eikres første kone, er meg fortalt med bestemthet, men det er ikke bekræftelse på det i kirkebøkene. Det er også fortalt at denne Anne var et utmerket godt menneske» (HF). Ola Eikre vart så g m Barbo, syster hennar. Før dei kjøpte Ringen i Valdres, budde dei ei tid i Skar og så ei tid på

eit Grøvsbruk. I Hemsedal hadde dei: *Anne* 1831, *Ola* 1833 d, *Kari* 1835, *Ola* 1838, *Ola* 1841. - Før Birgit vart g m Bjørn Kilo, hadde ho ein son: *Knut Olson* 1825. Knut fekk garden, g 1821 m Margit Pedtr Hallbjørshus f ca 1800. Dei styrde ikkje godt. Det gikk det ordet at dei et up Skar, for ho var øydslen og han ein sop. Ho hadde vakse upp på ein, bra gard og kom til en bra gard, men på slutten laut ho ut for a tigge. Ho og ungene gikk og bad seg både i Ålsgjeld og utover til Flå og kom heim med heile kjelkelass olmoser. Til slutt bytte Knut til seg Torsethagjin. Embrik Jakobson søre Skar, som budde der då, gav 500 dalar i byte og vart so bonde i nordre Skar. Ola bror hans, var bonde på den søre garden. - Då Knut var død, reiste Margit til Amerika med dei fleste av borna sine: Ola 1822 g 1848 m Sigrid Endresdtr Øndredal, rtA 1852, Knut 1824, Per 1827-33-6, Kari 1828 g 1848 m Ola P. Jorde i Valdres, eit barn døydde i 1829 (utan å bli døypt), Knut 1830, Se. bjørg 1835, Birgit 1842. Embrik frå søre Skar, g m Margit Herbrandsdtr Torsethaga (sjå 61-14), tok so over nordre Skar. Etter dei kom sonen Jakob 1835-1918-83 i 1866 m Toræ Knutsdtr Torset (61-12) 1842-1923-81: Margit 1866-ca 1949 g ca 1900 m Knut Haugo, Lislalien i Grønlio, Gol (born: *Torstein, Tora, Guri*), Ingebjørg 1869-1944, g 1898 m Engebret K. Torset (Uppistugun Torset 61-9), Birgit 1872-1949 ugift, budde heime, Margit 1875-1955 likeso, Kari 1879-89, Anne 1882-1944 g 1932 m Torkel Jorde (61-8), Embrik 1885-1957 ugift, tok over garden 1905 og dreiv gardsbruket til han i 1955 selde garden til *Olav Renslo* frå Gol. Kjøpte seg så tomt på søre Haugo av Ola T. Kirkebøen og bygde seg hus der: *Skarheim* 60-35. Då Embrik fall frå, vart Skarheim kjøpt av Tora Lislalien frå Grønlio, som leiger burt huset. Olav Renslo f 1899 vart g 1932 m Guri Lislalien 1907-64, systerdotter til Embrik. Born: Toralf 1932 handverkslærer i Dalane i Vest-Agder g 1959, Margit kona hans er frå Arendal og er husstelllærer (dei har ein gut og två gjenter), Ingebjørg 1945 bibliotekar, tilsett ved folkebiblioteket i Hemsedal, g 1970 m røyrlaggiar Sigurd Slettner frå Oslo f 1945, Gunnar 1948. Olav bygde ny driftsbygning 1960, men har ikkje hatt husdyr dei siste åra. i 1973 bygde han bustadhus til Ingebjørg og Sigurd, som tok over garden 1974. Dei har ei gjente: Sigrun 1972. Garden har langstøl på Siresletto. Frå gamalt hadde dei støl på Nedrestølo, Langeset (kjøpt av Oslo Lysverker, Hemsil I) og på Slætto nord for Hødn.

Søre Skar

Gnr 60, bnr 1, lnr 589 a. I søre Skar.

Her budde Jakob Olson Skar 1709-83-74. Han var komen frå Markegølo og vart g 1733 m ei Margit Olsdtr 1704-91-87. I 1734 er dei skrivne for Intelhus og i 1737 for Skolt (feilskrivning for Skar). Dei hadde: Ola 1734-1816-82 bonde i Skar, Asle 1737 d ung, Hans 1738, Kari 1740, Kari 1742 g 1763 m Torkjell Monsson Brandvøl, Birgit 1745, Ola 1748, Asle 1750 bonde på Skeie ved Trøym. Ola fekk garden, g 1764 m Birgit Andresdtr Semle frå Valdres d 1818 ca 89 år gamal Dei var tremenningar. Ola må ha vore fleinskalla, for han vart kalla SnaueSkarn: Margit 1765-1830-65 g 1791 m Ivar - S. Jordheim, Jakob 1767-1848-81 bonde i Skar, Andres 1769, Andres 1772-1816-44, bonde i Skarshaugo, Knut og Nils 1775 tvilingar, Margit 1777-1865-88, g 1802 m Torleiv Eikre, Aslak 1778, Barbo 1779 g 1806 m Eirik Olson Ro i Gol, Margit 1782, Knut 1791-1841-50 bonde i Båste. - Barbo og Eirik hadde ei dotter: *Ragnhild*, før dei fløtte frå Hemsedal. Jakob fekk garden, g 1797 m Birgit Embriksdtr Uppistugun Torset 1775-1846-71. Dei hadde: Ola 1798-1867-69 bonde i Skar, Embrik 1799-1873-74 bonde i Haga og så i Skar, Andres 1802-23-21 drukna i Grøteevjun, Eirik 1804-53-49 bonde på Øndredal, Birgit 1806-90-84 g 1840 m Ola Nilsson Skarsdøkken, Aslak 1809 d, Margit 1811 g m Øystein Storlien i Nes, dei rtA, Aslak 1814-83-69 ugift budde som tilhaldar i Skar, Margit 18d d, Andres 1818-59 41, døydde som tilhaldar i Høvdae, Margit 1821-1905-84 g 1845 m Torkjell Tørkjellhaugji. Ola fekk garden, g 1827 m Rangdi Halvorsdtr øvre Løkji 1796-1887-91. Ola var mykje brukt som skjønsmann. Dei hadde: Jakob 1827-1910-83 bonde i Skar, Birgit 1830-1920-90 g 1858 m Ola Rusto d.e. i Valdres, Halvor 1833-37-4, Kari 1836-71-35 g m Knut T. Brandvøl, Guro 1839-1923-84 g 1868 m Knut Uppistugun Torset, Halvor 1842-1929 bonde på Ullsakteigji (62-16) g 1880 m Anne Olsdtr Intelhus 1847-1935. Jakob fekk garden g 1860 m Ingerid Larsdtr Markegøla 1837-1912-75: Ola 1861-1929 bonde i Skar, Rangdi 1862-1912-50 ugift, Lars 1867 d, Lars 1869-1923-54 tilhaldar g 1921 m Margit Olsdtr Hallbjørshus, Kirsti 1872-1906-34. Ola fekk garden, g 1924 m Margit Hallbjørshus (58-i) 1875-1962, enkje etter Lars Skar. Barnlause. Då Ola fall frå, vart garden selt på auksjon, og Margit fløtte attende til Hallbjørshus. «*Skarskompaniet*» som kjøpte Skar, var Knut K. Thorset, Andres Haugo, Trond Båste og Per Båste Grohaug. Dei dreiv garden nokre år til han vart delt i 1935. Ola T. Kirkebøen kjøpte då två tredjepartar (eigar no: Torleif O. Kirkebøen) og Halvor K. Thorset (bonde på Jordheim 64-3) kjøpte ein tredjepart etter far sin. Haugo og Grohaug har berre skogremmer. Garden er soleis avfolka, berre hustuftene står att etter ein i si tid stor gard.

Skarsdøkkji

Gnr 60, bnr 4, lnr 589 c.

i Skarsdøkken. Skriveform: Dokken.

Det var eit bruk i bygden dei kalla *Fugledøkkji*. Ein veit ikkje meir om dette bruket, kan hende var det Skarsdøkkji. Her budde ekteparet Ola Gjermundson og Barbo Persdtr, som hadde ei dotter: Ragnhild 1735. På skiftet etter Ola 3. februar 1742 møtte Andres Torset som lensmann. Lensmann Ola Markegølo var død året før. Som lagrettemenn møtte Torleiv Ålstveit og Per Grøv. Som verje for enkja møtte Jakob Olson Skar. Det vart meldt at husa på plassen tilkom dødsbuet: ei stugu, ei bu, eit fehus med trev over, ein låve med två brøt, ei bastugu, ei engjeluu (løe ute på jordet) og ein liten vedskåle. Dessutan var det två mål oppdyrka england på plassen. Alt i hop taksert til 20 rdl. Det vart vidare lagt fram eit gjeldsbrev: «Jeg Ole Gjermundsen er skyldig min kjære bror Tellef Gjermundsen i rene penge 3 rdl.» Enkja vilde ikkje vedkjenne seg korkje brevet eller underskrifta, for ho hadde ikkje hørt noko om dette før. Dei neste som budde på bruket, var etter kyrkjebøkene Ola Embrikson Engjo ved Løkji 1755-1802-47 g m Margit Aslaksdtr truleg frå Kilo, der det var två med namnet Margit f 1761 og 1763. Dei hadde: Anne 1788, Margit 1789 g 1822 m ein Ola Ullsåkplasse, bonde på Jegerhaugji (Margit hadde frå før ei dotter: *Ingebjørg* Nilsdtr 1816 som vart g m Nils T. Myrn), Barbo 1792, Embrik 1801. Dernest nemner kyrkjebøkene Knut Torleivson Ullsåk 1776-1860-84 g 1815 m Margit Aslaksdtr Skarsdøkken, som truleg er enkja etter Ola Embrikson, men i kyrkjeboka står det ingenting om det. Dei var barnlause. So kjem Ola Nilsson Løkjisplass (eller Ullsåkplasse) 1808-58-50 g 1840 m Birgit jakobsdtr Skar 1806-90-84: Knut 1840-7131, Nils 1842 rtA, men døydde ombord på skipet, Jakob 1844 d, Jakob 1845-1906-61 bonde i Skarsdøkken, Toræ 1848-1914-66 g 1885 m Sjugurd Hødn (ho hadde før ei dotter: *Margit* Herbrandsdtr 1870-1911-41), Torleiv 1852 rtA. Knut vart g 1871 m Olaug Embriksdtr Uppistugun Torset 1846-1917-71. Berre eit års tid etter bryllupet sette han livet til ved ei ulykke. Olaug vart g att 1894 m Halvor Uppheimsjorde i Ålsgjeld. Etter at han fall ifrå, budde ho hjå dotter si, Birgit Hatte i Gol. Knut og Olaug hadde två born: Birgit 1869-1927 g m Halvor Endreson Hatte i Gol, Ingebjørg 1871 rtA. Jakob, bror til Knut, kjøpte so garden, g 1884 m Barbo Andresdtr Hølto 1855-1938: Ola 1881-1959, «Døkkgutten» dei kalla, hadde garden ei tid, Birgit 1884-88 Ola var ugift, og i 1939 selde han garden til Ola i. Halbjørhus f 1912, som fløtte dit samen med mor si Ragnhild O. Halbjørhus (58-1) 1873-1962. Ola, som skriv seg Halbjørhus Dokken - vart g 1939 m Ingrid K. Thorset (61-28) f 1916: Knut Olav 1946, skal overta garden, Roar 1948 g 1967 m Olveig Skaga frå Gol f 1950 (born: *Knut Ole* 1967, *Venche* 1971), han fekk tomt av far sin i Endredøkken og bygde seg bustadhus der 1971: «*Frydenlund*» (60-50), Sverre 1955. Då Ola kjøpte garden, sto alle hus til nedfalls. Han har bygt både driftsbygning, bustadhus og nye buer på Øvrestøle og Langeset. I 1955 kjøpte han *Endredøkkji*, bygsel bruk under søre Skar, av Ola T. Kirkebøen, no matrikulert som *Solbakken* 60-34. Knut Olav, som skal ha garden, vart g 1968 m Aslaug Gudveig Gunnarsen frå sannidal ved Kragerø f 1943. Dei har: Nina 1968, Odd Arild 1970. I eldre tid var det nokso vanleg at det kom svenskar til Hemsedal for å ta seg arbeid, jorddyrking, vegarbeid og anna. i Døkken har dei eit minne om dette i namnet på eit jordstykke som dei kallar «Svenskekjølv».

Solheim

Gnr 60, bnr 16.

I Solheim. Nyare bustad.

I 1920 kjøpte Ola Sveinson frå Jordheim (65-3) 1856-1952-96, «Amrikken» dei kalla, eit stykke av Skarsdøkken og bygde åt seg der. Han vart g m Ragnhild Jordheim og dreiv Jordheim ei tid, reiste so til Amerika kring 1890. Der døydde Ragnhild. Ola kom so heim att og vart g 2) 1905 m Anne Jakobsdtr Hølle 1884-1948-64. Dei budde i lærarbustaden på det gamle kommunehuset til dei i 1920 fløtte åt Skarsdøkken. Born: Birgit 1905 g 1925 m Ola O. Dekko i Grøndale, Jakob 1907 reiste til Canada 1927, ugift, Ola 1909 reiste til Canada og vart gift der, Ragnhild 1912 g 1944 m Nils Bekkevold, Knut 1914 har garden, Endre 1917 reiste *ut*, no i Sverige, Torvald 1919 g 1947 m Emilie Løbben, Solihøgda, og bur der (har tre gutar og tre gjenter), Margit 1921 g 1966 m Bent Jensen, opphavleg danske, bur i Oslo. - Ola bygde opp det nye Solheim. Han var dauv i mange år og hadde med seg papir og blyant når han vilde «prate» med folk. Knut overtok garden og vart g 1948 m Anna Johanne Paulsen frå Eidfjord i Hardanger f 1919. Dei har: Anne-Marie 1949 g 1970 m Olav Juvhaugen, Nes, f 1943 og bur der (har ein gut), Thor-Ove 1951 snikker, Åge-Georg 1952 røyrleggjar, Vidar 1960. - Knut har fast arbeid som rute- og lastebilsjåfør hjå A/L Hemsedalsbilane, og Anna er aktiv med i organisasjonsarbeid, m.a. formann i Hemsedal Helselag frå 1964, og er medlem av kommunestyret og formannskapet.

Endredøkkji Nedlagt bruk.

Bruket hørde til søre Skar. Der budde Bjørn Asleson Øndredal 1808-39-31 g 1835 m Liv Eiriksdtr Haug 1801-84-83. Barnbuse. Bjørn tok livet av seg. Ein sundags-morgon straks fyre jul var Liv burte i

nærmaste gard for å låne ein bryggjerøste. Då ho kom att, hadde Bjørn hengt seg i taket. - I 1846 vart Liv uppattgift med Ola Jonson Snikkerhaugji i Grønlio, og då han fall burt, fløtte ho attende til Haug, der ho vart verande resten av livet. Neste uppsitar me veit om, var Endre Oddmundson Øygarde ved Øndredal f 1792, *Vesle-Endre* dei kalla, g 1836 m Birgit Ingvarsdr Grøndale f 1804. Dei hadde: Barbo 1836, Ingvar 1839, Kari 1843, Oddmund 1845 d, Barbo 1848. Endre var snikker. Gamle-Eivind fortalde at Endre eingong hadde med seg ein dreng som var soldat. Endre tok det lognt og sa: «Nei sjå lell, loka (handa) æ i være (luften) støtt!» Då Endre fall frå, vart Birgit g att m Embrik Asleson Torsetjorde (61-8) 1814-71. Frå Endredøkken reiste dei til Jome i Valdres og der vart dei velståande folk. Embrik må ha vore ein gløgg og opplyst kar. Han førde sak for ei enkje og vann saka. Slikt sette respekt. Borna til Birgit vart truleg med til Valdres. Sea den tid har det ikkje butt folk i Endredøkken. Då Ola T. Kyrkjebøen kjøpte två tredjepartar av søre Skar (60-1), vart han og eigar av dette bruket, som han selde att til Ola J. Hallbjørshus Dokken (60-4). Endredøkkji vart då matrikulert som *Solbakken* 60-34.

Søre Haugo

Gnr 60, bnr 5 og 6, lnr 589 d. I Skarshaugo eller søre Haugo.

Ligg sør ned for Skar. Vart ogso kalla Øliguthaugo (av kvinnenamnet Øli). Her budde Andres Olson Skar 1772-1816-44 g 1809 m Anne Embriksdr Torset 1778-1858-80: Margit 1808, Ola 1811, Embrik 1814. - Anne g 2) 1821 m Ola Olson øvre Ullsåk f 1790: Harbo 1825 med dotter *Else* Olsdr 1855. - Anne døydde i Hemsedal, men Ola med dottera Barbo og dotterdottera Else rtA. Han vart kalla Øliguten (Øl med tjukk i) og bruket av den grunn Øligut-haugatn. Neste eigar var Jakob Herbrandson Purkestadhaugo ca 1826-1900-74 g 1858 m Guri Toresdr Magelinhaugji 1834-98-64: Margit 1859-1914-55 vart ved garden, Guri 1862-1935 fløtte til Ringerike og vart g m Hans Pedersen frå Gran d 1948, dei hadde fire born: *Jakob, Inga, Peder* og *Josefine*, berre Josefine f 1895 g m Aksel Astorp i Oslo lever no, Herbrand 1864-1954, g m Marie Hellem, budde på Hønefoss, Birgit 1867 g 1897 m Svein Palhuso rtA, båe no døde, hadde tre døtrar, Mari 1870-1961 vart g 1895 m Ola Sørflaten frå Søre Aurdal d 1904, busette seg i Haugsbygd på Ringerike, fløtte seinare til Hønefoss, hadde fire born: *Margit* 1897-1972, *Gunnar* 1899 konditor i Oslo, tok namnet Fosholt (två born), *Oskar* 1901-24, *Jakob* 1903-24, Tore 1874 d, Tore 1879-1911 vart g og budde på Hønefoss, hadde ei gjente, som enkjemann kom han attende til Hemsedal og døydde der. Då foreldra var døde, fekk Margit garden g 1904 m Svein Ivarson Klype (Svarteberg) 1849-1905-56: Guri 1904 g 1927 m snikker Oskar Johansen på Modum f 1903. Born: maskinrøntør *Sverre Johan* 1927, tok namnet Araberg (gift og har två born), handelsstyrar *Henry Andres* 1929-75 (gift og hadde tre born). Så vart Haugo kjøpt av skreddar Henrik Ivarson søre Venåsbakka 1865-1934 g 1893 m Gunhild Torleivsdr søre Hødn 1866-1957, dei hadde butt i søre Hødn ei tid og så vore tilhaldarar i nørde Hødn nokre år: Torleiv 1894, skreddar, styrde ei tid telefonsentralen i Tørpo og bur der, ugift, Kari 1896-1914, Guri 1897 g 1916 m Ola Prestgardhuso (59-3), Anne 1902 g 1943 m Nils Bråthen, Amot, Modum, og bur der, Ingebjørg 1909 g 1930 m Eirik Bjørøen, Tørpo, f 1906, dei hadde Haugo ei tid, Mari 1910 g m Andres Dokken, Tørpo. Henrik for omkring og skredderte, eller arbeidde heime. Var rekna for ein av dei beste skreddarane i si tid. I 1953 kjøpte Eirik og Ingebjørg garden Røine i Lier og fløtte dit, og Gunhild, mor deira, følgde med. Søre Haugo vart då selt. Ola T. Kirkebøen kjøpte skogen og det meste av jordvegen, eigar i dag Torleif O. Kirkebøen, som leiger burt innmarka. Ola Ø. Thorset Skogstad kjøpte ein heimstøl på Langeset med noko jord attåt, byggjer no ein moderne driftbygning der for slaktegris m.m. Torvald Mørken f 1913 kjøpte bustadhuset og fem mål jord, sette huset i god stand og bur der: *Hauglund* 60-27. Han er ugift. Barbo, syster hans f 1903 budde hjå han til ho i 1974 fløtte på Bygdaheimen. Ogso mor til Torvald, Barbo f 1873 budde der til ho døydde i 1960.

Nørde Haugo

*Gnr 60, bnr 3, lnr 589 b.
i nørde Haugo.*

Granneeigedom til Skarsdøkken, ogso kalla Vilhjelmshaugo. Her budde Vilhjelm Gudtormson Jordheim, f i Eikre 1801, d i Skarshaugo dvs. nørde Haugo 1878, 77 gamal, g 1832 m Kari Olsdr Skar 1805-72- 67: Gudtorm 1831-61-30, Margit 1834-1905-71 g m Andres Mørk, Ola 1837-1900-63 bonde på Vermåker i Gol, Kari 1841 og Hans 1841 d, tvilingar, Helge 1842-ca 1920 bonde på Raubakka i Gol, Knut 1846 Vilhjelm 1852-1918-66, d som tilhaldar i Skøltebakka. alle ungane tok ut. Ola var handelskar og dreiv stor fehandel. Kom seg upp. Kjøpte fleire gardar i Gol og leigde folk til å styre med dei. Så gikk det nedover att. Han laut selja Roteigen der han sjøl budde ved det belet, til smed Eirik Grønlien, garden Løstegard til handelskar Halvor Rohaugji, og Blakkestad til Endre Ro. Sjøl kjøpte han bruket Vermåker og budde der. G 1837 m Olaug Torsdr Jeglheim, dotter til Barbo Ivarsdr Eikre. Broren Helge g m Kari Olsdr

Blakkestad kjøpte Raubakkjinn og budde der. - Knut vart g 1880 m Kari Ellingsdtr Myte f 1855 og var tilhaldar der ei tid, men reiste so til Amerika med borna sine: Barbo 1879, Elling 1883, Kari 1884, Anne 1886, Gudtorm 1888. Sonen Vilhjelm vart verande i Hemsedal og budde i ei stugu i Jorde (61-8) og døydde der ugift. Så vart Skarshaugo kjøpt av skreddar Knut Andresen Høltø 1851-1919-68 g 1880 m Birgit Toresdtr Haugo ved Trøym 1855-1925-70: Olaug 1881 g m Knut Uppistugun Torset (61-9), Andres 1893 hadde garden ei tid. Andres vart g 1922 m Anne Trondsdr Båste f 1884. Han hadde før pakta burt garden nokre år, men tok no over sjøl og dreiv gardsbruket til han i 1952 selde eigedomen til Ola T. Kirkebøen. Noverande eigar er Torleif O. Kirkebøen, som leiger burt innmarka. - Det er ikkje lenger fastbuande folk i nordre Haugo. Andres og Anne fekk seg tomt undå søre Skar og bygde åt seg der i 1952: Solhaug 60-24.

Nyare bustader

matrikulert under Skar:

Som ved Ullsåk, Trøym, Kyrkjebøn og Tuv er det ogso på Tørsetsiun reist ein del nyare bustadhus, villastrøk eller kva ein no vil kalle det. Dei som bur her, brukar alle sitt gamle ættenamn:

"ÅSLY»

59-108. Eigar: *Arne Nils Storeskar* f 1944. Ligg nord for Skarsdøkken 60-4. Kjøpte tomt av Ingvar Prestgardhus 59-3. Bygde bustadhus 1974. Arne Nils vart g 1970 m *May Toril Mythe* f 1949, dotter til Torleiv og Margit Mythe. Born: *Marit* 1971, *Hilde* 1974.

"SOLHAUG» 60-24, utskilt frå søre Skar 60-1. Eigar: *Andres Haugo* f 1893 g 1922 m *Anne Trondsdr Båste* f 1884. Barnlause. Dei åtte nordre Haugo 60-3 til dei i 1952 kjøpte «Solhaug» av Ola T. Kirkebøen og bygde åt seg der.

"HAUGLUND» 60-27, tunet på det nedlagde søre Skarshaugo. Eigar: *Torvald Mørken* (sjå søre Haugo 60-5,6).

"FREDLUND» 60-33, utskilt frå søre Skar 60-1. Eigar: *Erik K. Thorset* (61-12) f 1892, g 1928 m *Gunhild T. Bøygard* frå Ål f 1903. Barnlause. Dei åtte søre Hødn 61-26 til dei i 1955 kjøpte tomt av Ola T. Kirkebøen og bygde åt seg der.

"SKARHEIM» 60-35, utskilt frå søre Haugo 60-5 og 6 (sjå Skar 60-7). Eigar: *Tora Lislalien*, Grønlio i Gol. - Her bur no: *Ingar Nils Mythe* f 1944, son til Tomas og Gunhild Mythe i Sorteberg, g 1974 m *Gunhild Olsdr Hulbak* f 1951. Barn: *Tommy* 1975.

"HAUGLI» 60-36, utskilt frå søre Haugo 60-5. Eigar: *Johannes Pettersen* frå Eidsberg i Østfold f 1902 g 1928 m *Birgit Rudningsdøkken* frå Tørpo 1901-63. Born: *Trygve* 1934 g 1957 m *Randi Prestegardshus* (59-3) f 1931, *Arne* 1937 bur på Mysen (arbeider på Borg Trelast ved sarpsborg), *Magne* 1941 bur i Lindås ved Bergen (arbeider på Mongstadfeltet) g 1) 1965 m *Björg Rieber* frå Eidfjord f 1944, born: *Anita* 1966, *Wenche* 1968, g 2) 1975 m *Kari Sundsbø* frå Lindås f 1950. - Johannes og Birgit fløtte til Hemsedal frå Tørpo i 1950. Dei budde då i nordre Haugo 60-3 og dreiv garden til 1957, då dei kjøpte tomt av Ola T. Kirkebøen og bygde tvåmannsbustad der. Johannes var sagmeister på Kirkebøen sag frå 1950 til 1975.

«SKARLI» 60-39, utskilt frå søre Skar 60-1. Eigar: *Svein O. Grøv* (56-3) f 1922. Kjøpte tomt av Torleiv O. Kirkebøen og bygde bustadhus 1962, men har ikkje butt der sjølv. Her bur no: sivilingeniør *Nils Petter Faarlund* frå Bilitt, ø. Toten, f 1937 g 1963 m *Helga Wortmann*, Axstedt i Nord-Tyskland f 1936. Barn: *Bjørn* 1965. Faarlund er leiar av Høgfjellsskolen Norsk Alpincenter, som driv kursverksemd og opplæring i friluftsliv.

«SKARBO» 60-47, utskilt frå søre Skar 60-1. Eigar: *Leif E. Ulsaker* (62-3) f 1925, sagmeister på Andelssaga. Kjøpte tomt hjå Torleiv O. Kirkebøen 1966 og bygde seg bustadhus 1967. G 1967 m *Sigrud Dokken* frå Gol f 1938. Born: *Gunvor Marie* 1968, *Endre* 1970.

«FRYDENLUND» 60-50, utskilt frå søre Skar, det tidlegare Endredøkkji. Eigar: *Roar Halbjørhus* (60-4) f 1948. Han fekk tomt av far sin og bygde bustadhus 1971. G 1967 m *Olveig Skaga* frå Gol f 1950. Born: *Knut Ole* 1967, *Venche* 1971.

Søre Hødn

Gnr 61, bnr 26

i søre Hødn. Har vore skrivi Hornet. i matrikkelen: Nyheim.

Søre Hødn var bygsel bruk under Andresgarde på Torset (61-12) i lang tid. Her budde Torleiv Torleivson d 1871, ca 87 år gamal. Han var frå Knaldre i Gol og bror til den Per Torleivson som vart g m Turid Eikre. Han vart g 1831 m Ingebjørg Ivarsdtr søre Myte 1798-1841-43: Sunnev ca1832-1914-82 g m Sjugurd Jegerhaugji, Torleiv 1835-94-59 timremann, bonde i Hødn, g m Guri Ingvarsdr Lykkjebakko 1836-1900-64. Torleiv var ofte kjømeister i lag og likferd, tok ogso del på samlingane den siste tid han levde. Fekk tilsendt mange bøker frå politimeister Emil Gamborg (1833-95) i Drammen. I 1915 fekk Hemsedal eit legat «Emil og Elise Gamborgs legat» på kr. 2000. Rentene av legatet skulde brukast til innkjøp og utdeling av skrivebøker og anna skulemateriell til fattige skuleborn, ogso skulebøker om midlane rakk så langt (i den tid var det ikkje frie skulebøker). - Borna til Torleiv og Guri: Torleiv 1861-1956 bonde i Hensrud 57-4 (sjå der), på sine eldre dagar selde han Hensrud og sette seg uppatt ei stugu på Løkji og budde der, Ingebjørg 1863 g m Trond Toreson Trøymshaugo, dei rA, Gunhild 1866-1957 g 1893 m skreddar Henrik Venåsbakko i Skarshaugo (60-5,6), Ingvar 1868 vart gift og busette seg i Lier, Knut 1871 likeso, Kari 1874 gift til Lardal i Vestfold, Ivar 1877 skreddar g 1908 m Margit Andresdr Torset (61-12) 1880-1965, dei busette seg i Drammen, Ivar tiltrudd medlem av Arbeidarpartiet, Embrik 1880 skreddar, g ca 1914 m Ingebjørg Anfinsdr Laggabrøta i Gol og fekk seg gardsbruk der. Då Guri døydde, fall bruket attende til jorddrotten Knut A. Torset (61-12), som let son sin Andres 1884-1958 få bruket til odel og eige. Han vart g 1910 m Sigrid O. Jordheim (64-4) 1881-1951 og dreiv søre Hødn til han tok over farsgarden 1924. (Sjå Torset 61-12.) Bror til Andres, Eirik K. Torset f 1892 kjøpte so søre Hødn, g 1928 m Gunhild T. Bøygard frå Ål f 1903. Barnlause. Eirik bygde nytt bustadhus. Langstøl til garden er Høvdstøln på Siresletto. I 1954 selde dei garden til Andres K. Torset Rudningen (61-21), som no driv jordvegen. Men det er ikkje lenger fastbuande folk der. Eirik og Gunhild kjøpte tomt av søre Skar og bygde seg bustadhus der i 1955: *Fredlund 60-33*.

Nørdre Hødn

Gnr 61, bnr 13, Inr 595 b.

i nørdre Hødn. Skriv seg Hornet.

Den tid bruket var bygselbruk (under Torset 61-12), budde det her ein Anfin Helgeson Berg f 1789 g 1819 m Kari Torleivsdtr. Dei vart skrivne for Eikre då dei gifta seg. Det var visstnok småfelt for denne huslyden, for dei hermde etter ein mann: «Vøre Store-Hødn prim o vøre Hydnebekken mjølk, so levst han Anfin med!» (Merk namneforma Hydnebekken.) Born: Kari 1821 d, Kari 1823-32-9, Ingebjørg 1829. Seinare budde der han Sjugurd og ho Snnnev som kom åt Jegerhaugji. Etter dei att: Ingvar og Sissel som kom åt Toregarde: Nils 1851, Ingebjørg 1854, Ivar 1856, Per 1857, Kari 1859, Kari 1862. Og so: Jon Sjugurdson Stakkestøe i Grøndale 1821-1902-81 g 1852 m Margit Eivindsdr Åtnehaugji 1826-1901-75: Sjugurd 1854-1926 skomakar, hadde garden, Eivind 1857-1925-68 skreddar, bonde på nørdre Torset, Sigrid 1859-83-24, Tore 1862 snikker, kjøpte Jorde eller Juve i Gol, Barbo 1867-1904-37 g m Jon Tullehuso, Lars 1870 g 1906 m Margit Steindebakka frå Valdres, dei busette seg på Modum og fløtte seinare til Hønefoss. Sjugurd fekk garden, g 1885 m Toræ Olsdr Skarsdøkken 1848-1914-66. Barnlause. Kring 1917 selde dei garden til Torleiv Toreson Jorde frå Gol (brorson til Sjugurd) 1896-1951. Han vart g m Margit P. Langehaug (54-7) 1881-1958, enkje etter handelskar Jon Flato (Ålstveit 55-7). Barnlause. I fyrste ekteskapet (g 1907) hadde Margit: Gunvor 1908 g 1958 m røyrleggjar Ole Johnsen 1907-68 (son til ovannemnde Lars Jonson), barnlause, bygde seg hus rett over for Moabrun, Asbjørn 1912 har garden. Asbjørn vart g 1951 m Olga O. Grøthe (63-13) f 1920. Dei har: Thorleiv 1952, Jon Ove 1956, Kjell-Magne 1959. Ved sida av gardsdrifta har Asbjørn no køyrt sjukebil til Hemsedal Helselag i 30 år, og det er mange hemsedøler som gjennom desse åra har lært å setja pris på hans ro og hans nette handlag. - Garden har støl på Krøsstølo, der Asbjørn og far hans dyrka upp mykje steinfull jord. - I 1938 selde Torleiv Toreson ei hyttetomt på stølen til bonde Andreas Næss frå Bærum. Det var den fyrste hytta på Krøss-stølo (men ei hytte sør for Leinestølo er eldre, jfr. Torset 61-12). Eigar no er Peder Amb, Ringsaker, verson til Næss.

Rudningen

Gnr 61, bnr 21.

I Rudningji.

Her budde ei tid Knut Ivarson frå Åtnehaugji 1847-96, «Kanne-Knut» dei kalla (sjå Åtnehaugen). Kring 1918 busette seg her Einar Asleson Tarset 1877-1939 g 1920 m Ingebjørg Einarsdr Intelhus 1880-1947. Dei var barnlause Andres Knutson Torset (61-28) f 1920 hjelpte Einar mykje med gardsstellet frå 1935. Andres skulde få garden dersom han tok seg av Einar og Ingebjørg og hjelpte dei so lenge dei levde. Han so gjorde, og i 1947 tok han so over garden. Han vart g 1946 m Gunhild K.

Grøthe (63-1) f 1919. Andres har bygt upp tå nyo alle hus både heime og på stølane m.a. bustadhus 1946 og driftsbygning 1959. Har Vore med i kommunestyret i fire år. I 1954 kjøpte han søre *Hødn* (61-26) og *Høvdestøln* av Eirik Knutson Torset og driv jordvegen der. Han leiger ogso innmarka i nørdrø og søre Haugo (Skarshaugo) hjå Torleiv O. Kirkebøen og har dyrka upp mykje ny jord. Til 1954 brukte dei langstølen på Øvrestølo, sea *Høvdestøln* på Siresletto. Heimstøln har dei på Hødnset. Borna til Andres og Gunhild: Kåre 1947 g 1969 m Gudrun N. Hovtun Dokken frå Gol f 1948 (har ei dotter: *Synnøve* 1971), Einar 1950, Sebjørg Marie 1959. Kåre og Gudrun bygde seg bustadhus i Rudningji 1972 og skal ta over garden.

Torsethagjin

Gnr 61, bnr 14, Inr 596 a og b. i Haga. Skriv seg Hagen.

Ein Andres Asleson frå søre Torset åtte eit Torset-bruk, venteleg Hagjin, i alle fall budde ungane hans der. Han vart g 1768 m Margit Herbrandsdtr Torset 1748-83-35. Dei hadde: Rangdi 1769-1862-93 g m enkjemann Ola Haraldson, Margit 1771-1860-89 g 1795 m Torleiv Hjelme (Ålrust), Herbrand 1775-1831-56 fekk garden, Asle 1780-1852-72 ugift, han var med i krigen 1814 og hadde mykje å fortelja derifrå. «Om han var på vei ut fra en stue, kunde han bli stående ved skåpet og bare fortelle. Hadde måttet våge livet for fedrelandet, som gammel fikk han kun legslems kår. Stakkars mann!» (HF). - Om Rangdi blir det fortalt at ho på sine eldre dagar hadde ei ku som Margit, dotter til Herbrand, stelte for henne om sommaren. Ein dag kom Rangdi upp på stølen til Margit for å hente noko av budråtten til husbruk. Margit hadde mange ungar, so det var ikkje sengeplass i bua, difor gikk Rangdi burt i løa og la seg der. Om morgonen tykte Margit det drog noko ut før Rangdi kom inn att og gikk ut for å sjå til henne. Då sag ho at Rangdi torna seg fram langsmed utgarden (gjerdet). Ho hadde vorte heilt blind, og det vart ho verande resten av livet. Ho døydde som legslem. Herbrand vart buande i Haga då foreldra fall burt. Han vart g 1804 m Øli Larsdtr Ålstveit f 1771. Dei hadde: Andres 1805 d, Margit 1807-79-72, Anne 1812. Odelsgjenta Margit vart g 1826 m Embrik søre Skar 1799-1873-74. Dei hadde Hagjin ei tid, men bytte so til seg nørdrø Skar. Den 18. juni 1873 vilde Embrik ro over Heimsila og dra burt til Kyrkjebøn for å handle. Embrik var gamal, og elva gikk stri i vårflaumen. Han greidde ikkje å styre båten, som gikk rundt, og Embrik drukna. Han vart funnen att på Strendo ned for Eikre. Borna til Embrik og Margit: Anne 1826-1917-91 døydde ugift hjå Herbrand Eikre, Birgit 1828-1919-91 g m Nils Vipe, Herbrand 1831 d, Øli 1833-1931 g m Ola Snerte, Jakob 1835-1918-83 bonde i Skar, Birgit 1838-1923-85 g m Ola Steinteigji, døydde i Eikre, Margit 1840-1922-82 ugift, døydde hjå syster si i Skølt, Herbrand 1843-1932 bonde i Eikre (51-17), Oline 1852-1941 g m Mekkel Huso i Eikre. Burtsett frå den fyrste Herbrand var dette store syskinlaget sers helsesterke menneske, over 80 og 90 år alle i hop. Ola Knutson Skar f 1822 og g 1848 m Sigrud Endresdtr Øygarde (Øndredal) f 1815 budde ei stutt tid i Torsethaga før dei rta i 1852. Dei hadde: Margit 1849, Knut 1851. So kom Ola Olson Jegerhaugji f 1828 og g 1859 m Barbo Nilsdtr Fløgo 1835-7641. Foreldra til Barbo: Nils og Anne (Nils var opphavleg frå Hustad) kom og til Torsethaga. Ola og Barbo hadde ein son: Nils f 1860 som fekk garden. Nils vart i 1881 g m Gunvor Knutsdtr Grøto. Kring 1882 fløtte dei og gamle Anne Fløgo til Hippe i Valdres, men seinare fløtte Nils med huslyden sin til Kristiania der han fekk seg arbeid. I Torsethaga fekk Nils og Gunvor sonen Ola 1881 d. Ola Embrikson Steinteigji d.e. 1834-1906-72 g 1882 m Birgit Embriksdtr Skar d.y. f 1838 kjøpte Hagjin av Nils og busette seg der. Dei hadde sonen Embrik f 1883, som døydde ved kristnaden. Dei var komme til kyrkja med han 30-9-83, men la merke til at han ikkje hadde lenge att. Presten Skattebøl fekk bod om det midt under skrifttalen og døypte barnet. Det levde til over dåpen, men døydde før messa var slutt. Då Ola fall frå i 1906 vart garden kjøpt av brorsonen Embrik Embrikson Skølt 1880-1970 g 1908 m Margit Knutsdtr nørdrø Torset (61-1) 1871-1936. Dei hadde ikkje stort å berge seg med då. Det fyrste Embrik laut rå seg til med, var hamar, tong og eit par kaffikoppar. Han fløtte gardstunet lenger ned og bygde nytt uthus. Kring 1915 kjøpte han ei slåtte av Herbrand Eikre, «Strønde» dei kalla, og dyrka upp der. Nokre år etter fløtte han stølshusa på Nedrestølo til Hødnset, der garden har heimstøln no. Langstøln på Øvrestøln Embrik og Margit hadde: Knut 1909 bonde i Haga. Knut tok over garden 1938 og Vart satme året g m Ingrid A. Torset (61-12) f 1918 Bygde nytt bustadhus 1959 (for två huslydar) og nytt fjøs på Hødnset. Knut og Ingrid har: Engebret 1939 som har garden no, Arvid 1944 g 1969 m Ingebjørg Kristine Eikrehagen f 1946, dei har Torset, 61-12 (sjå der). Engebret vart g 1966 m Kari Torine Bakko frå Gol f 1943. Dei tok over garden i 1974. Born: Geir 1967, Inger Lise 1969.)

Torset 61-9

Gnr 61, bnr 9, Inr 593 a. I «Uppistugun» Tøret.

Ein Embrik Torset har sønene Hans 1728 og Asle 1732, kan hende og sonen Knut ca 1720. Kyrkjebøkene vantar oppskrifter for denne tida (Boyesen-tida). Knut åtte ein av Torset-gardane. Han

vart g 1) 1743 m Liv Vilhjeldsdr Grøndale f ca 1722, d i barnseng 1745. Dei hadde: tvilingane Gunhild og Ingebjørg 1744, Ingebjørg 1745. - Knut vart g 2) 1746 m Birgit Olsdr Skar. Dei hadde: Embrik 1747-1805-58 fekk garden, Liv 1749, Ola 1751-1837-86 bonde i Sygarde, Grøndale, Liv 1753, Hans (som må ha døytt ung), Hans 1757-1844-87 bonde i Rundtupp, Ingebjørg 1764, Halvor 1766 bonde i Nihaugji, fall i krigen ca 1814, Andres 1769-1823-54 bonde i Mørk.

Embrik vart g m Margit Eiriksdtr Lappegard frå Ål ca 1749-1806-57: Birgit 1775-1846-71 g m Jakob Olson Skar, Knut 1779-1858-80 fekk garden, Nils 1785-1802-17, Eirik 1787-1871-84 bonde på Uppheimsjordet, Tørpo, Ola 1791-1881-90 bonde i Nilsehaugji. Knut vart g 1) 1805 m Olaug Sjugurdsdr Grøto 1780-1819-39: Embrik 1806-10-4, Margit 1807 g 1835 m Herbrand Halvorson Brennhøvd i Gol (dei fire sønene deira vart bønder i Gol: *Halvor* og *Knut* Brennhøvd, *Torleiv* Kjendbardsbrøta, *Embrik* Gjerdun), Gunhild 1810 d, Embrik 1811-1900-89 fekk garden, Sjugurd 1815 d, tvilingsystera Gunhild 1815-59-44 g m Ingvar Lykkjebakka, Sjugurd 1818-1903-85 bonde i Jegerhaugji. - Knut vart g 2) 1821 m Barbo Tomasdr Viljugrein 1781-1875-94: Olaug 1822-94-72 g m Andres Hølto, Liv 1824-34-10. - Knut var ein måfåfugl. Han var vel kjend med skrivaren på Nes. Eingong han kom der, sette han fyrst berre den eine foten innom døra, han gikk med lodne hudsko. Skrivarfrua ropte ende over seg: «Å nei, ha nokon sett makjin!» «Jau, her æ makjin,» svara han Knut og sette den andre foten innafør. Han kom inn og vart sitande og prate. Han spøkte med skrivarfrua og sa: «Kjæringatn i Hemsedal dei pynte smøret med bakenda, dei!» Frua rista på hovudet og sa: «Meisterljugar!» Men skrivaren forsto meininga og sa: «Dei ha nøkk bakenden med se når dei pynte smøret, med. Sonen Embrik vart g 1840 m Ingebjørg Olsdr Hødnungset frå Grønlio ca 1815-99-84, syster til Arne Eikre: Knut 1841-89-48 fekk garden, Ola 1843-1920-77 bonde i Dalo, Eikre, Olaug 1846-1917-71 budde i Skarsdøkken og så i Tørpo, Embrik 1850-1927 bonde i Eikrehaga, Kristine 1855 g m Knut Jegerhaugji, busette seg på Geithus, Sjugurd 1856 rta og vart der g m enkje Ingebjørg Skøltedøkken, Margit 1860 g 1893 m Ola Buksegarde i Gol. - Olaug vart g 1871 m Knut Olson Skarsdøkken, men han døydde sama året, snaue tre månader etter bryllupet. Knut, som fekk garden, vart g 1868 m Guro Olsdr Skar 1839-1923-84. Dei fire grannekjeringane på Torset: Guro nørdr Torset, Birgit Torset (Aslegarden), Guro Uppistugun og Toræ Skar døydde sama vinteren, Toræ den dagen det var likferd etter Birgit. Og Ingerid Hølgjehaugji kunna ein rekne som den femte. - Knut og Guro Uppistugun hadde: Embrik 1870-1964 fekk garden, Ola 1873-1967 rta og vart farmar i Dakota, kom heim att 1932 og budde så for det meste hjå Guro Lien, systerdotter si, Knut 1876-1971 g 1914 m Olaug nørdr Haugo (60-4) f 1881, kjøpte 1911 eit *gardsbruk* i *Sande* som han dreiv fram til 1920, forpakta so *Haugo* i Hemsedal til eigedomen vart teken att på odel ca 1922 for kr. 1000. Kjøpte so *Gåserud* i Lier 1925 og fløtte dit sama året. Born: *Konrad* 1912, *Gudrun Birgitte* 1914 g m Eivind Johansen, Lier (ingen born), *Olga Kristine* 1916, *Karoline Ingehorg* 1919 g m Eskild Skov Pedersen (born: Anne Marie 1954, Knut 1959), *Birger Olav* 1921 g m Gunvor Fønnebø, Uvdal (born: Britt Torunn 1957, Knut Olav 1960), *Ole* 1928-65.

Ingebjørg 1881-1937 g 1922 m Hans Lien (89-4) 1876-1959. Embrik, «Stuen» dei kalla, vart g 1898 m Ingebjørg Jakobsdr Skar 1869-1944 og dreiv garden til 1930. Han hadde då dyrka upp mykje jord og bygd å nyo alle husa på garden. I 1929 var han so uheldig at han fekk vinstre handa inn i ein torvstrøyrivar som vart drivin med hestevandring dei kalla. Han miste handa, men ikkje arbeidshugen. Han braut upp og køyrde burt mykje stein etter den dagen, og i slåttonna snørde han orvet fast til vinstre armen med ei reim, likevel hadde mange nok med å følgje han i skårgangen. Han hadde eit framifrå lett arbeidslag. Embrik og Ingebjørg hadde: Knut 1899-1951 fekk garden, Guro 1901 g 1935 m Thorleif Kinnebergbråten i Gol f 1911, ho utdana seg til lærar (eks. Oslo lærarskule 1923) og var tilsett ved Engene skule i Gol 1923-42 og ved Granli skule 1942-64 (born: *Kristi* 1936, *Asle* 1938 drosjeeigar i Oslo g m Fredhild Margrethe Bakken frå Hemsedal), Tora 1903 g 1927 m Ola E. Snerte (61-2) f 1897, Ingebjørg 1905 g 1925 m Ola E. Lien (89-10) f 1895, Jakob 1908-14, Kari 1910 g 1936 m Ola L. Markegård f 1908, dei hadde søre Skølt (52-20) frå 1935 til 1952 og fløtte so til Torset, Jakob 1914 d. Knut tok over garden i 1930 og dreiv han til han fall ifrå. Han var ein ivrig hestekar, og hestane hans skilde seg ofte ut som blanke og velstelte dyr. Knut døydde ugift, og Ola og Kari Markegård kjøpte så Torset i 1952. Skølt selde dei i 1953 til Lars, bror til Ola. På Torset bygde Ola nytt bustadhus 1952, driftsbygning 1955 og stølsbu på Siresletto 1958. Borna til Ola og Kari: Lars 1936 kjemiingeniør, bur i Sverige, g 1969 m Bodil Nilsson frå Småland f 1944, Anne 1939-50, på ein skuleskitur til Skogshødn sklei ho utfør på skaresnøen og miste livet, Engebret 1941 har garden, Ingebjørg 1944 lærareksamen 1966, no tilsett ved Vikersund barneskule, g 1969 m Torbjørn Hovde f 1938 frå Sysle, Modum (dei har två gutar), Odd Kåre 1949, bur i Oslo, no generalsekretær i Norges Bygdeungdomslag. Engebret tok over garden 1969, g 1968 m Kari Pedersen Einarsrud frå Sigdal f 1943, utdana lærar, ei tid tilsett ved Ullsåk barneskule, dei eig og garden Odegardshaugen i Sigdal, der Kari vaks upp. Borna til Engebret og Kari: Ida 1970-76, Ola 1972, Kjersti 1975. Garden har heimstøl på Hødnset og langstøl på Øvrestølo og Siresletto, men ingen av stølane er i bruk no.

Torset 61-12

Gnr 61, bnr 12, lnr 595 a. Grendenemning. I Andres-garde (eller: i Bygnae).

Før det vart utskifting, låg dei i ein krull alle hus som hørde til Andres-garde, Asle-garde og Uppistugun. Det har sakte vore ein gard frå fyrst av, og vart då kalla Myljo-garden, med di dei rekna Skar som den søre Torsetgarden. I grenden sa dei forresten i «Bygnae» om Andresgarden, fordi det gamle bustadhuset var ein bygnad, dei kalla, dvs. eit tvåhøgda hus. Det fanst nokre slike i bygden. Kyrkjebøkene nemner fyrst ein Knut Asleson Torset d 1716. Det kunne tenkjast at han var son til den Asle Knudsøn som er nemnd i folketaljinga 1664-66 og som da var 22 år. Knut var g m Kari Sveinsdtr Kyrkjebøn, og ved skiftet etter Knut 1716 er det nemnt ei dotter: Barbo. I eit seinare skiftebrev - av 1742 - er det nemnt ein Asle Torset (son til Knut Asleson) med två born: Ingerid ca 1683-1755-72 g m enkjemann lensmann Ola Markegølo, som døydde i 1741, og som det var skifte etter i 1742, og Andres ca 1691-1760-78, som hadde ein Torset-gard, truleg den søre. Andres (tipptippoldefar til Hans Flaten), vart bygdelensmann etter Ola Markegølo, verbror sin, og møtte på skiftet i 1742 som verje for Ingerid, syster si. Andres vart g m Rangdi Persdtr Ålrust f 1796. Dei hadde: Margit ca 1718 g 1) m bygdelensmann Steingrim Arneson Høv tuno i Gol, g 2) m Knut Torson Rust, Asle ca 1720-87-67 bygdelensmann i Hemsedal, Knut 1726, Anne 1731-72-41 g 1749 m Knut Andresson Tuv, Ola 1732, Gunvor 1734-57-23 g 1755 m Ola Olson Intelhus, Barbo 1739-1813-74 g 1758 m Ola Olson Intelhus. Asle fekk garden ved kontrakt av 29. juni 1757. Eigedomen vart då skyldsett til 8 løbel. Etter får sin var han bygde lensmann i lang tid (nemnd både i 1761 og 1771). Han vart g 1740 m Margit Arnesdtr Høvtuno frå Gol, som døydde 1780, 62 år gamal. Ho var dotter til Arne og Birgit Høvtuno, som Hallvard Bergh skreiv opp fleire søgner etter (sjå «Segner fraa Bygdom», Kra. 1879). Arne og Birgit Høvtuno hadde fire born: *Ola* som let etter seg ei dotter Kari, *Steingrim*, bygdelensmann i Gol d 1762, *Kari* g m Arne Torleivson Herska (Hertsgard) og *Margit* som vart gift til Torset. Asle Torset og Steingrim Høvtuno gjorde systerbyte, med di Steingrim vart g m Margit Torset. Dei hadde desse borna: *Ola* bonde på Grimsga (Grimsgard) i Nes, *Arne*, *Sander*, *Andres* og *Herbrand* (tvilingar), *Ingebjørg* g m Halvor Skaga, *Birgit* og so *Gunvor* (som var opp kalla etter farsyster si, Gunvor Intelhus). Asle og Margiro hadde desse borna: Margit 1741-1829-88 g m Embrik Herbrandson nørde Torset, Andres ca 1745 g 1768 m Margit Herbrandsdtr Torset, Ola ca 1748-1833-85 bonde på Aslegarde, Birgit 1754 g 1777 med Halvor Bjørnson Løkji, Arne 1757-1834-77 som hadde ein Torset-plass (Åtnehaugen), Steingrim 1761, sander 1763-1815-52 som ogso hadde ein Torsetplass. I 1773 vart garden delt i två, skøytet er dagsett 22. februar. Sonen Ola fekk den eine halvparten og foreldra satt att med den andre. I dødsbuet etter Margit er denne halvparten verdsett til 480 rdl. Men det var samstundes skuldig dødsbuet etter Knut Høvtuno 464 rdl. - I eit gammalt skriv til Asle Torset, teke vare på på røym, heiter det: «Velagtede lensmand Asle Torset! Det høikongelige Rentekammer har under 28de passato tilmælet høivelbaarne hr. Kammerherre og Amtmand von Storm, at det haver erfaret, at en og anden mod hans velagtede og høipriselige Forbund under 8de Mars sistleden havde tilsniget sig at brænde Brændevin, i hvilken Anledning han anmoder saadant paa det allernøieste at lade efterforske og undersøge til de skyldiges Opdagelse, som derfor straks maa tiltales, at over dem kan holdes Dom efter Forordningens Medfør. . . . Jeg forbliver Eders tjenstvillige H. F. Flor. Aas den 15-11-1757.» So nemner kyrkjebøkene ein Knut Andresson Torset (den ovafor nemnde Knut f 1726) g 1750 m Margit Olsdtr f 1726. Born er ikkje nemnde, men det er rimeleg å tru at den Andres Knutson Torset som vart g m Margit Nilsdtr Ullsåk 1755-1835-80, er son deira. Han døydde i 1807, oppgjeven alder 56 år. Margit vart g att 1808 m enkjemann Ola Olson Ålrust, men han døydde sama året, so Margit vart enkje for andre gongen på eit års tid. Andres og Margit hadde desse borna: Margit 1781-1869-88 g m Knut Knutson Skar på Finnset, Anne 1783-1861-78 g 1804 m Herbrand Sjugurdson Grøto, Knut 1785 hadde garden d før 1862, Rangdi 1787, Rangdi 1789 (g 1816 m Torstein Eikre), Ragnhild 1791, Gunvor 1793-94-1, Ragnhild 1796 g 1821 m Ola Eirikson Bjørtomt i Hurdal (i Hemsedal fekk dei sonen *Nils* 1820), Gunvor 1798, Gunvor 1803-05-2. (Med dei mange oppattkallingar i dette syskinlaget må ein tru at fleire av borna døydde i fyrste leveåret, utan at dette er meldt frå om i kyrkjebøkene. Det sama legg ein merke til mange gonger i ætte listene.) Knut fekk garden g 1) m Ingebjørg Olsdtr Hesla frå Gol d 1814. Dei hadde dottera Margit 1814-95-81 g 1833 m Ingvar Halvorson Ullsåk. Knut vart g 2) ca 1815 m Ingebjørg Ivarsdtr Haugstad frå Gol 1799-1862-63. Dei hadde: Rangdi 1816 g m Knut Olson Finnset på Høltegard i Gol (med dei budde i Hemsedal, hadde dei dottera *Anne* 1842, som vart g m Halvor Herbrandson Brennhøvd i Grønlio), Anne 1819-1905-86 g m Per Olson Rese, Ingerid 1821-1917-96 g m Knut Jakobson Hølle, Ingebjørg 1825 g m Ola Nilsson Løstegard i Gol, Birgit 1828-1915-87 g m Ola øvre nørde Torset 1833-95, Store-Ola dei kalla, Andres 1832-33-1, Andres 1836-1911-75 fekk garden (utegløymt av HF), Ivar 1838, Ivar 1839, Toræ 1842-1923-81 g m Jakob Embrikson Skar (60-7) 1835-1918-83. Andres overtok garden og vart g 1858 m Birgit Eiriksdr Bjøbergo 1840-1923-83. Kommunemann og ivrig jorddyrkar, sto trutt med jordarbeidet like til siste hausten han levde, då var han 76 år gamal. Born:

Ingebjørg 1859 d, Knut 1860-1939-79 bonde på Torset, Ingebjørg 1863-66-3, Kari 1866-1945-79 g 1885 m Knut Hølle 1864-1953, dei fløtte til Skrindo i Ål, Eirik 1869-71-2, Eirik 1871-1964-93 g m enkje Rangdi Trøym (67-1) 1856-1940, Ola 1874-1937-63 fehandlar ei tid, so handelsmann i Vikersund, g 1) m Randi Brennhøvd frå Gol d 1918, dei hadde ei dotter: *Birgit* 1903-23-20, g 2) 1919 m Birgit E. Haugo frå Tørpo, d 1973 (i Hemsedal hadde dei: *Margit Randine* 1920), Ingebjørg 1876 ugift, budde i Hokksund og døydde der, Margit 1880-1965-85 g 1908 m Ivar Tollefson frå søre Hødn (61-26) f 1877, dei budde i Drammen (två born), Oline 1884-1912-28. Knut overtok garden g 1881 m Oline Knutsdtr Hølle 1859-1957-98. Dei hadde: Birgit 1882-1961 g 1911 m Knut O. Kirkebøen (68-2) f 1881, Andres 1884-1958 g 1910 m Sigrd O. Jordheim (64-4) 1881-1951, dei hadde søre Hødn (61-26) 1910-24 og tok so over ein halvpart av farsgarden, Ingerid 1886-1969 g m Klaus Nordstrøm frå Holmestrand, Knut 1889-1937 hadde nedre halvparten av egedomen (sjå 61-28), Eirik 1892 rtA, men kom heim att 1921 og vart g 1928 m Gunhild T. Bøygard frå Ål, i 1924 kjøpte han av Andres, bror sin, søre Hødn (sjå 61-26), Jakob 1895 rtA 1925, slo seg ned som farmar der og vart g m Anne Torleivsdtr Intelhusbakko f 1903 (born: *Kennet* og *Olga*). I 1924 delte Knut garden. Han heldt att hovudbølet åt seg sjøl (til Andres tok over), og let sonen Knut få nedre halvparten (sjå 61-28), og han bygde upp gardstunet der det gamle bygselbruket Magelinhaugen hadde stade. Andres og Sigrd hadde: Knut 1912 ugift, bur heime, Ola 1915-42, Astrid (døypt Oline) 1916 ugift, hadde garden ei tid, Ingrid 1918 g 1938 m Knut E. Hagen (61-14) f 1909, Barbro Anna 1921-73 ugift. Arvid Hagen f 1944, son til Ingrid, kjøpte Andresgarden 1971, g 1969 m Ingebjørg Kristine Eikrehagen f 1946. Dei har: Helen 1970. Arvid bygde nytt bustadhus 1972. Driv ikkje garden fyrebels, men leiger burt innmarka. Garden har langstøl på Leinestølo og heimstøl på Hødnset. I gamal tid hadde Andresgarden langstøl på Tufto i såtefjelle, so på Hølo i Vestlin til dei kring 1850 kom til Leinestølo. Dei støla ogso i Høvdae (som no høyrer til 61-28) og på Juvestølo. Den fyrste hytta på Torsetstølane vart skyldsett frå Andresgarde. Konsulane Chr. B. Lorentsen og Wettre frå Kristiania bygde seg jakthytte der sør for Leinestølo kring 1910. Ho vart kring 1926 selt til rittmeister Fred. Elster, Oslo. Noverande eigar er fru Sundvik, Oslo.

Nedre Torset

Gnr 61, bnr 28. På nedre Torset. Ogso kalla: Ni Haugji. Skriv seg: Torset.

Knut Andresson 1860-1939, bonde i Andresgarde Torset (61-12), delte garden i 1924, og Knut, nest eldste sonen hans, fekk nedre halvparten og fløtte dit. Han bygde upp gardstunet på det nedlagde bygselbruket Magelinhaugji. Knut 1889-1937 vart g 1911 m Sebjørg Halvorsdtr Løkji 1888-1974. Dei hadde: Oline 1912 (med son *Arild* 1946 og dotter *Anne Marie* 1957-74) bur heime, Knut 1914 ugift, har garden, Ingerid 1916 g 1939 m Ola i. Halbjørhus Dokken (60-4) f 1912, Halvor 1918 g 1953 m Barbro O. Jordheim (64-3) f 1923, dei har Jordheim, Andres 1920 bonde i Rudningji (61-21) g 1946 m Gunhild K. Grøthe (63-1) f 1919, Ola 1922 ugift, bur heime og hjelper til på garden, Birgit 1925 g 1947 m Ola O. Jordheim (Nilsongarden 65-3) f 1917. Knut kjøpte attåt garden Drolsum på Modum, men då han fall ifrå, vart garden selt att 1937. Sebjørg sto so for styringa til sonen Knut tok over 1954. Hausten 1943 brann driftsbygningen, og ein avlslukse til Torset Feavlslag strauk med, hine krøtera var på heimstølen. Etter brannen og elles og er det bygt ein god del, soleis nytt bustadhus 1950. Knut og Ola dyrka upp mykje jord og gjorde garden til eit mønsterbruk. Knut var og ein av dei fyrste som tok til med skogplanting. Han byrja med eit plantefelt kring 1950 og passa vel på å fornye skogen med planting. Han var mykje med i kommunalt styre og stell, m.a. 16 år i kommunestyret, derav 8 år som varaordførar. Han gjorde og eit stort arbeid som formann i styret for Torset Vassverk (fullt ferdig 1968). Det tek ut vatn frå Dyrja og so høgt uppe at alle fær trykkvatn, eit sers gagnleg tiltak for Torsetgrenda. Han var og ein av dei som arbeidde mest for å få ny veg til Tørsetsida med ny bru over elva ved Moen (1947). Nordover til Trøym vart vegen ferdig i 1961. Arild, son til Oline, vart g 1974 m Anne Kleven frå Blakkestad i Gol f 1950. Det er meininga at dei med tida skal overta nedre Torset, men enno bur dei for det meste på Blakkestad. Ved utskiftning for søre Torset og Skar 1935-50 vart bygselbruket *Høvda* tillagt garden til full egedom. Garden har langstøl på Leinestølo og heimstøl på Hødnset.

Magelinhaugen

Nedlagt bygselbruk under Andresgarde på Torset.

På eit Torsetbruk budde Oddmund Ivarson og Gunhild Aslaksdtr. Oddmund døydde på Frøysåk i Gol 1741, og det var skifte etter han 18-9-1741. Han hadde ingen born, so hans syskin ervde det han åtte: Endre, Ola g m Magelin Toresdtr, Birgit g 1707 m Ola Toreson Torset og Ragnhild som døydde ung. Buet hadde 4 kyr, 4 geiter og 4 sauer. Etter Oddmund vart bruket bygsla av Ola og Magelin. Dei hadde: Tore 1708 d, Margit 1709, Guri (eller skal det vera Kari) 1712, Tore ca 1713-73-60. Det var skifte etter Ola 26-5-1723 og då var han enkjemann. Buet hadde m.a. 9 storfe og 6 sauer. Sonen Tore

vart g 1735 m Olaug Halvorsdtr, ho var truleg ikkje frå Hemsedal: Guro 1735, Ola , Magelin g m Ola Haraldson Torset, Liv 1747-1800-53 g 1777 m Jon Hallbjørshus på Reiarstletten, Halvor 1748, Vebjørn 1757, Håkon 1758. Kan hende har Ola og Magelin hatt fleire born, men kyrkjebøkene er ufullstendige. So har ein Ola Haraldson og Magelin Toresdtr som brukarar. Den siste Magelin har sikkert namn etter den fyrste, og ettersom det er berre desse två med dette namnet i bygden, må Magelinhaugen ha fått namn etter dei. Magelin-namnet må vera kome inn utanfrå, frå Gol kan hende? Harald og Håkon var heller ikkje vanlege namn i Hemsedal på den tid (OR). Borna til Ola og Magelin: Johannes (eller Jehans) 1768, Margrete 1770, Harald 1774, Olaug 1776, Jørønd 1779, Tore 1782, Halvor 1785. - Ola vart g 2) 1811 m Rangdi Andresdtr Torset(haga). Det er kan hende ho som i kyrkjeboka er oppført f i Torsethaga 1769-1862-93. Seinare vart bruket bygsla av Tore Oddmundson Ullsåk 1795-1873-78 g 1824 m Guri Nilsdtr Huso i Eikre ca 1798-1885-87. Tore fekk ein stor ly å syte for, sat i småe kår og trøla fælt. Guri var ei grovbuna kvinne, hardbalen både til kropp og sjel. Dei bad henne ofte om å bu liket når det skulde vera likferd. På slutten var ho sløv til sinns. Ho døydde hjå dotter si i Høgehaugji. Tore døydde brått. Han kom dragande med eit forlass etter isen nord for Hjelme. Der møtte han Jakob Skar og vilde dra lasset sitt til sides. Med det sama valt han overende og var død. Borna til Tore og Guri: Oddmund ca 1825 bonde i Resabakko, rtA 1873, Nils 1827 bonde i Eikrehaga, rtA 1888, Embrik 1830 d ung, Guri 1834-98-64 g m Jakob Skarshaugo, Embrik 1837-44-7, Birgit 1840 g m Bjørn Olson Hurrabakka, rtA, Eggjerd 1843 g 1872 m Ola Høgehaugji, rtA, Barbo 1847 rtA og vart der g m ein svenske. - Då Birgit og Bjørn følgdest åt ein gong, kom Dalamann og vilde for gapri trengje seg inn imyljo dei. Då vart Birgit skarp og sa: «Vil du trengji de imyljo børkji o vee, du då?» Etter at Tore fall ifrå, vart bruket standande øyde.

Nilsehaugen

i Nilsehaugji. Nedlagt bruk.

Her budde Ola Embrikson Uppstugun Torset 1791-1881-90 g 1823 m Margit Embriksdtr Ullsåk 1792-1864-72. Ho var ei liten tusse, seiest det, dotter av Embrik Nilsson og Kari Persdtr Bjødngutlute under Ullsåk. Foreldra til Embrik, Nils Knutson og Toræ Knutsdtr budde ei tid omkring 1740 på eit Torset-bruk, og det ligg nær å tru at det var på Nilsehaugji og at bruket har fått namn etter Nils. Ola Embrikson låg til sengs nokso lenge på slutten og døydde på Krøss-stølo på den stølen som no høyrer Brøta i Grønlio til. Borna til Ola og Margit: Embrik ca 1825-1885-60 hadde Nilsehaugen, Margit ca 1829-91-62 g 1853 m Lars Sjugurdson Stunde, Kari 1831 g m snikker Torleiv Rundtupp som sistpå vart buande på Løkji (sjå Snikkerluten). Embrik fekk bruket g 1859 m Sunnev Torsteinsdtr søre Lykkjehaga 1821-95-74. Då Ola, far hans, døydde, fall bruket attende til Torset, og Embrik og Sunnev kjøpte Brøten i Grønlio. Dei hadde två born: Margit 1859 som fekk Brøten g m Knut Torson frå Ålskjeld, og Liv 1863 d.

Åtnehaugen

I Åtnehaugji (eller Ådnehaugji).

Nedlagt bruk.

Der budde Arne Asleson 1757-1834-77. Då han fall burt, vart han skrivin: Legdslem Arne Aslesen Torsethaugen. Namnet Arne heiter i malføret Åtne, så bruket har venteleg fått namn etter han. Arne vart g 1) 1810 m Sygni Sjugurdsdtr 1779-1813-34 visstnok frå Reiarstletten. Fekk sonen Asle 1811-17-6. - Arne vart g 2) 1814 med ei Kari Aslesdtr 1769-1843-74, ho var visstnok frå Øndredal. Då ho fall burt, vart ho i kyrkjeboka skrivin: Fattigenke Kari Aslesdatter Torset. Seinare budde på Åtnehaugji Ivar Sølvesan Trøymshaugji g 1847 m Margit Eivindsdtr Grøndalsplasse 1822-1912-90. Hjå dei budde far til Margit, krigsveteranen Eivind Olson den siste tida han levde. Ivar døydde i 1865 ca 50 år gamal og let etter seg ein huslyd i småe kår: Knut 1847-96-49 rosemalar, ugift, Eivind 1850 d, Guri 1851 budde i Vikersund og døydde der, Eivind 1854 rtA og vart gift der, Kristi 1856 rtA og vart der g m Ola Huse (ved Grøv), Ola 1859-97-38 prest i Amerika, Barbo 1862-1905-43 g m Torleiv Hensrud. - Knut var rosemalar, ein av dei beste i bygden. Han svarva øl kanner som han mala og selde, og vart av den grunn kalla *Kanne-Knut*. Då far til Margit fall burt, var bygseltida ute, og huslyden spreidest. Kanne-Knut bygde seg ei liten stugu sør for Torset der han budde til sin død. Både han og broren Ola var lesarar. *Ola* drog over til Amerika 1882 og utdana seg til prest (skreiv seg Olaf Iversen Thorseth, bilete hjå Norlie s 291), var lærar og sea prest fleire stader. G 1891 m *Lovise Marie* Thalberg. Då helsa slo feil, kom han og kona hans til Noreg att 1896, og året etter døydde han av tæring. «Han omtales som en vel utrustet og bra mann, som nyttet sine ungdomsår og krefter med troskap,» heitte det i minneord et «Hallingen» 1938). Ola og Lovise var barnlause.

Høvda

I Høvdae. Bygselbruk under Andresgarde, høyrer no til nedre Torset 61-28.

Her budde den Torleiv og Anne som seinare kom åt Hensrud. Deretter Embrik Nilsson frå Huso i Eikre 1796-1859-64 g 1831 m Ingebjørg Nilsson Hustad 1804-62-58. Embrik var timremann og sette opp mange stugu og andre hus i bygden. På filiet i loftssvala på Medgarde i Eikre skar han inn med kniv: Gud bevare dette hus fra ildebrand og tyvehand. Borna til Nils og Ingebjørg: Guri 1832 g m Halvor Kølle i Gol, dei rtA, Ragnhild 1834-1918-84 budde i Høvdae og so i Steinteigji, Birgit 1842-46-4, Kari 1846 g m Aslak Gjerde, Nils 1849-1917-68 bonde i Gjerde, g 1873 m Anne Knutsdtr Torset (61-4) 1845-1918, barnlause, rtA. - *Ragnhild* vart g 1857 m *Andres* Jakobsen Skar 1818-57-41. Dei hadde dottera *Birgit* ca 1857 g 1882 m Hans Reiarsetten. Ragnbild vart gift og enkje sama året. I 1860 vart ho g att m *Knut* Steinteigji 1830-1905 (fjå der). - *Nils* og *Anne* bygde seg eit husvære på nørde Torset fyrste gongen dei kom heim att frå Amerika, *Skogly* 61-23 eller «Amrikhuset» som det vart kalla og heiter den dag i dag. Her budde Anne det siste året ho levde etter att Nils var dø i Amerika året før (sjå elles Gjerde). «Skogly» er seinare selt som feriebustad til *Ole Valstad* frå Drammen.

Jegerhaugen

Gnr 61, bnr 37.

i *Jegerhaugji*. Grendenemning: *Burti Haugji*.

Her budde Vebjørn Toreson og Margit Knutsdtr. Vebjørn var son til Tore Olson og Olaug Halvorsdtr Magelinhaugji. Jfr. Vebjørnhuso i Løkjisgrenden. Vebjørn og Margit hadde ei dotter Guri, som i 1819 fekk ein son med Endre Olson Hesla: Vebjørn. Han vart g 1852 m Rangdi Olsdtr Jegerhaugji, dei rtA. Vebjørn og Margit hadde og ein son Halvor som vart g m Guri Bjørnsdtr og i 1832 fekk dei ein son: Vebjørn. Etter Vebjørn Toreson budde i Jegerhaugji Ola Knutson frå ein Ullsåkplass. Han vart kalla «Jegern» og vart g m Margit Olsdtr Skarseigo (sjå Skar). Dei rtA 1861. Då var Ola 78 år og Margit 70. Andres Torset følgde dei til Lærdalsøyri i førefallet. Så kom åt Jegerhaugji Sjugurd Knutson Uppistugun på Torset 1818-1903-85 g 1845 m Sunnev Torleivsdtr Hødn ca 1832-1914-82: Olaug 1846 budde heime (hadde ein son *Knut* 1881, skomakar, gift og busett i Hol), Knut 1847 busett i Geithus på Modum, Torleiv 1851-90 ugift, Ingebjørg 1855 budde heime lenge, men døydde hjå sonen Knut Knutson på Trondstad i Lier, Barbo 1858 g m Trond Purkestadhaga, dei rtA 1881, Ivar 1861-1957 ugift, hadde eigeidomen ei tid, men kom på Bygdaheimen og var der i fleire år til sin død, Gunhild 1864 g m Jon Hovdan i Krøssherad, Kari tvilingsystera 1864 rtA, Embrik 1871-1948 ugift, budde heime. Både Ivar og Embrik var ei tid mykje nytta som «beearmenn» til lag og likferd. I 1952 kjøpte *Torleiv A. Thorset* Jegerhaugen og stølen på Krøss-stølo, så no høyrer eigeidomen Aslegarden (61-11) til, og det er ikkje lenger fastbuande folk i Jegerhaugji.

Torset 61-11

Gnr 61, bnr 11, Inr 594. i *grenden*: På *Aslegarde*. Skriv seg: *Torset*.

Ola Asleson Torset ca 1748-1833-85 g 1788 m Margit Sveinsdtr frå Hallbjørshus 1753-1810-57, syster til Halvor som vart bonde på øvre Løkji. Ola døydde brått. Asle, son hans, var på Kyrkjebøn på eit møte der prestens Gottwaldt var med. Under møtet kom det bod til Asle at far hans var død med det sama han lutte seg ned for å ta opp eit vedfangand. Asle sukka og sa: «Det va ein brå død!» «Det var en ønskelig død.» sa Gottwaldt. «Det står no det,» svara han Asle, «at me sko bea om å bli bevare frå ein ond o brå død!» Til det svara Gottwaldt: «Jeg skulde ønske jeg døde med pennen i hånden.» Borna til Ola og Margit: Asle 1789-1862-73 fekk garden, Svein 1791-1844-53 bonde på Ullsåk, Jon 1794-1879-85 handelskar, ugift, Steingrim 1797-1874-77 bonde i Langehaugji og på Hallbjørshus, Margit 1800 g 1825 m Ola Ivarson Brandvøl. Dei fløtte åt Romsdal og kjøpte garden Dahle (sjå 83-3). Han hadde vore med Jon på handel der og var kjent. Margit døydde i fjorde barnseng etter at ho hadde født eit dødfødt barn. Ola gifta seg att, og fyrste barnet i andre ekteskapet vart kalla Markus etter Margit. *Markus Dahle* reiste ut som misjonær til Zulu. Eingong i nittiåra var han på gjesting i Noreg og kom då til Hemsedal og heldt gudstenest i kyrkja. På preikestolen les han Fadervåret på Zulumålet. - Asle, Svein og Steingrim var skulelærarar ei tid. Jon slo seg på krøterhandel og dreiv det stort ei tid. Vart ein rik mann, den rikaste hemsedølen i si tid. Det går ei søgn om Jon, men ho må nok vera uppdikta: Eingong han for over ein skog, møtte han ein røvar som kravde: Pengane eller livet! Jon let han få pengane, men angra på det like etter. Han ropte på røvaren og sa: «Du ska få dei pengatn e har i pongji med!» Ja, røvaren kom. Men då fata han Jon sabelen hans og hogg han ned, tok att pengane sine og fleire tusen som røvaren hadde på seg. Soleine vart han Jon ein rik mann. Men då han året etter var på «Marken» i Drammen, kom det ein fyr burt til han og sa: «Du slakta ein god bukk i fjorvinter du, men hadde du lagt'n på are sida, hadde du fønne beste nyrefeiten. Du fann berre 10 000 dalar du, men e fann 20 000.» - Svein Torset tente ei tid hjå Halvor øvre Løkji, morbror sin. Mor hans låg sjuk ved det belet. Mangein kveld gikk Svein frå Løkji til Torset for å sjå om mor si og vera hjå henne natta over.

«Det var et så vakkert trekk av guten at minnet derom bør bevares for efterslekten. Det er nok av kulde i verden, det er derfor en omveksling å kunne fortelle om liv i kjærlighet, omhu, medfølelse» (HF). Asle, som fekk garden, var ein human og godmodig mann. Då han i 1815 vart g m Gunhild Persdtr Hallbjørshus 1792-1862-70, vart han skrivin for skulehaldar. Han var og ofte kjømeister i lag og likferd både på Tørssetsiun og andre stader i bygda. I likferd hende det at han tala seg varm og kom på gråten. Det er fortalt at når han kjørde for oppover Heimsil på isen, kvilte han i Ron, og då kjørde han lasset so nemme innåt landet at dei ikkje øygna det frå stugun. Birgit Ron (d 1907) spurde: «kor har du lasset ditt då?» «Å, e har det på eine sidun, e,» svara han Asle talmodig. Han vilde dermed ha sagt at han hadde lesst lasset skakt. - Det var ofte samlingar på Torset i Asle og Jon si tid, det var ein lesarheim (OR). - Asle og Gunhild hadde: Margit 1818-71-53 g m Per Grøv, Ola 1828-29-1, Sebjørg 1831 g 1) m Knut Hesla i Gol, 2) m Narve Jordheim. Ho var fødd 11-12-1831 og vart gift 28-4-1847, då var ho 15 år og 8 månader gamal. «Det yngste gifte jeg har merket meg i bygden» (HF). Då ho fekk det fyrste barnet sitt, sa han Jon Torset: «Det æ rart nåein ongji ska eige ongji!» Sebjørg fekk två born: Guri 1849-1914 g m Per nørdrø Narum i Gol, Asle 1859 fekk garden Hesla i Gol og vart g 1879 m Kari Bjøbergo 1856-1938. Asle og Kari hadde sønene *Knut* Hesla (eigar av Oset hotell), *Knut* bonde på Hesla, *Asle* Hesla, landhandlar, og presten *John* Hesla 1884-1963, og so dottera *Gunhild* Hesla, som i mange år var styrarinne på Oset hotell. Ettersom Asle og Gunhild Torset ikkje hadde nokon son, tok dei til seg dottersonen Asle Person Grøv 1841-1916-75 som fosterson, og han fekk garden, g 1861 m Margit Einarsdtr Jordheim 1836-1915-79: Margit 1862-1935 g 1887 m Endre Ålrust (52-2), Asle 1864-1942 hadde garden til 1918, g 1886 m Anne Øysteinsdtr Ro frå Gol 1864-1955, Gunvor 1869-1927 g 1891 m Knut i. Trøym (67-7), Per 1871-1931 handels kar, ugift, budde hjå Einar bror sin i Rudningji, Gunhild 1875-1947 g m Embrik K. Torset (61-1) 1862-1943, Einar 1877-1939 g 1920 m Ingebjørg Einarsdtr Intelhus 1880-1947, dei busette seg i Rudningji og bygde åt seg der. Jon 1880-81, Jon 1882-1945 dyrlækjar i Danmark og gift der (hadde två gutar og ei gjente). Asle og Knut A. Torset (61-12) bygde eit sagbruk med vasshjul i Dyrjun neda Rudningen (61-21). Seinare vart Knut K. Torset (61-28) og Engebret Hagen (61-14) medeigarar. Ei tid vart trevyrke for heile grenda skore her. Denne saga var i bruk til 1955, då Dyrja vart turlagd ved Heimsilutbyggjinga, og vasshjulet tapte for den tekniske framvoksteren. sageigarane bygde ogso ei vasskvern med två par kvernsteinar. Ho var i bruk til 1912, etter den tid berre ender og då til maling av maltgrøp og salt (til ut i 50-åra). Asle og Anne overtok garden. Dei hadde: Asle 1887-1962 reiste til Canada, fekk seg farm og vart gift der (4 born), Margit 1890 ugift, kjøpte tomt frå Sanden Kyrkjebøn, bygde hus åt seg der samen med Gunvor, syster si, Østen 1893-1968 dreiv garden 1918-23, g 1918 m Margit O. Kirkebøen, Skogstad, f 1895, dei overtok Skogstad pensjonat 1923, Per 1895-1960, reiste til Canada kring 1914 og fekk seg farm der, omkom ved ei bilulykke, Torleiv 1898 hadde garden frå 1923 g 1935 m Ingrid K. Grøthe (63-1) f 1914, Margit 1901-66 g 1936 m Halvor O. Grøterud (63-17) f 1906, Gunvor 1904 ugift, bur samen med syster si, har bygt seg hytte på heimegarden. Torleiv og Ingrid overtok garden: Asle 1937 har garden no, Knut 1938 bur i Eidfjord g 1969 m Anne Elisabet Tveit, Eidfjord, f 1946 (dei har ein gut), Anne 1946 g 1970 m Per A. Kinneberg i Gol f 1941 (har två gutar), Øystein 1948 har bygt seg hus på Skogajordet g 1973 m Vigdis Bråten frå Tørpo f 1952 (born: *Marianne* 1973, *Inger Solveig* 1975). Asle tok over garden 1958, har bygt ny driftsbygning og bustadhus og bygt og vølt på stølane. G 1961 m Randi O. Amundslid frå Gol f 1937. Born: Tom Ole 1961, Rikard Asle 1962, Per Ivar 1967, Ingrid Anne 1970. I gamal tid hadde Aslegarden fleire stolar i bruk: Vårstøl på Nyerud-slåtta (burtafør), Nedrestøln (uti Vestlin) brukt til 1935, og ein støl på Krøss-stølo. Idag heim støl på Hødnsset og langstøl på Siresletto. I 1952 kjøpte Torleiv bruket *Jegerhaugen* 61-37 med tilhøyrande støl på Krøss-stølo. I 1960 sette han upp fiskebu ved Versjøe og i 1961 nytt kårhus. Det gamle skulehuset for Torset skulekrins står på Torsets (61-11) grunn, og var i bruk til 1960, då krinsen vart lagd til den nye Ullsåk skule. Huset er framleis kommunen sin eigedom og blir nytta som grendehus og ved stortings- og kommuneval, slik som tilfelle ogso er med dei andre gamle skulehusa i Ålrust, Lykkjun, Løkji, Lio og Grøndale.

Nørdrø Torset

Gnr 61, bnr 1, lnr 591 a. Skriveform: Torset, Thorset, Torseth.

Skattetrikkelen av 1647 nemner ein halvgard Thorset med två eigarmenn, Thore og Knud, båd «med bøxel», og eit Toersset, skattlagd som øydegard, ogso med två eigarmenn Olluff og Toerd (Ollaf og Tol), Toerd har odel «med bøxel». Det må venteleg ha vore nørdrø og søre Torset. Folketeljinga i 1664 nemner två Torset, skattlagde som halvgardar, og eigarane er Helje Jønsøn, 24 år med stykksonen Ifuer (Ivar), som er 19 år gamal, på den eine garden, og Herbrand Knudsøn, 50 år gamal, med broren Asle Knudsøn, 22 år gamal, på den andre. Dessutan bur ein Tore Toresøn, 28 år gamal, på ein annan Torset-gard, skattlagd som øydegard. Han må vera son til fyrstnemnde Thore og må venteleg ha fått det tredje Torset.

Det fyrste paret som kyrkjebøkene nemner for nørdrø Torset, er Embrik Halvorson og Gunhild

Aslesdtr. Dei har: Herbrand ca 1714-68-54, bonde på nørde Torset, Anne d 1753, g 1739 m Knut Ellbjøro i Gol, Knut?, Henrik?, Gunhild?, Hans 1728 (må vera død før skiftet i 1735), Asle 1732-36-4 (skifte ogso etter han 1737). - Det var skifte etter Embrik i 1735, og buet var eit av dei største for si tid. Av det registrerte kan nemnast: Ei sylv brurekrune verdsett til 8 rdl, 1 kaparkjel 11 rdl, 2 mindre kaparkjellar (veslekjellar), tredjeparten i ein brennevinskjel, 2 massinglysestakar, 2 plogar, 3 bismarpund jødn, 3 hestesælar, 1 kløvsal, 1 par teiner, 15 større og mindre holkar, 23 trøg, 18 setningsbaler, 4 øltunner, 1 bleklykt, halvparten i ei bekkjesag, halvparten i ei kvern, halvparten i ein styringssele (visstnok ein slags akarslede), 2 underdyner med høvdslag, 3 skinnseger, 1 vadmalsdyne, 4 benkedyner, 1 lesningssengklede, 3 tepen, 14 skinnfeldar, 23 kyr, 7 kviger, 4 kalvar, 48 sauer, 1 gulblakk hest verdsett til 18 rdl. - Etter det ein veit, var det två brurekruner i bygda, og dei gikk på lån. Den eine var på Torset og gikk på lån i Søybygden, fortalde Semlen at han hadde hørt, og den andre var på Finnset og gikk på lån i Nordbygden. - Embrik Torset hadde ogso mange pengar uteståande: 240 rdl hjå Ola Olson Jordheim, 160 hjå Jakob Torleivson Grøto (pantepengar), 100 hjå Asle Olson Børnes (lausgjeld), 90 hjå Knut Sveinson Hegg i Borgund, 55 hjå Knut Ellbjøro i Gol, 50 hjå Embrik Viljugrein, 50 hjå Knut Jordheim, 40 hjå Henrik Torleivson Ellbjøro, 27 hjå Eirik Haug, 20 hjå Nils Viljugrein, 20 hjå Svein Sire i Tørpo og elles mindre summar hjå mange fleire, i alt i 1017 rdl. - Dottera Anne, som var gift med Knut Ellbjøro, fekk med seg som «heimaføl» 4 kyr (Gullbot, Buros, Rosepru og Tunekøll) verdsett til 3 rdl kvar, 1 fjorkvige, 1 kalv, 6 vaksne sauer, 1 kaparkjel, 1 takke, 1 sengedyne, 2 sett sengklede, 2 skinnfeldar, og Embrik hadde kosta 14 rdl på bryllupet. Dette og anna lausøyre og reide pengar vart taksert til 333 rdl. Anne var kone på Ellbjøro i 14 år, so døyde ho (registreringsforretning syftessøkdagen 2. juli 1753). Det var tre born etter henne: *Embrik* 14 år, *Ingerid* 6 og *Gunhild* eit halvt år. - Foreldra til Embrik var Halvor Embrikson og Ågot Torgeirsdtr. Dei sto for gards styringa kring 1690 og utover. I 1729 heldt dei i levande live skifte av det som dei åtte. Av borna er desse nemnde: Embrik, som vart bonde på nørde Torset, Anne 1699, Hans 1703 bonde i Prestgardhuso og so på Hjelme. Herbrand, son til Embrik og Gunhild, fekk garden. Han vart g 1737 m Anne Olsdtr: d ca 1794, 81 år gamal. Dei hadde, Margit 1737 g m Ola Andresson Tuv Embrik 1740-1826-86 bonde på nørde Torset Kari 1743-97-54 g 1759 (16 år gamal!) g m Knut P. Trøym, Gunhild 1745-1830-85 g 1766 m Sjugurd Grøto, Margit 1748-1783-35 g 1768 m Andres Asleson Torsethaga Liv ca 1751-1828-77 g m Bjørn Purkestad (mine oldeforeldre, HF), Ola 1754 g 1783 budde på Tubbun og fleire stader, Anne 1758 g 1781 m Odd Trondson Øndredal. Embrik fekk garden, g m Margit Aslesdtr søre Torset ca 1741-1829-88: Herbrand 1762, Asle 1764, Nils 1766, Nils 1767 (alle visstnok døde i ung alder), Ola 1769-1816-47, Herbrand 1772-85-13, Asle 1775-1852-84 bonde på Torsetjorde, Anne 1778 g m Ola Øliguthaugo, Margit 1785, Margit 1787, Margit 1788 (alle døde i ung alder). Asle f 1775 hadde garden ei tid, men let han so over til Ola, bror sin, g 1803 m Margit Andresdtr Trøym 1781-1818-37: Embrik 1804-80-76 fekk garden, Margit 1807 d ung, Margit 1810-1900-90 g m Knut Skar på nørde øvre Torset, Andres 1814 g m Anne Torgeirsdtr Krokji, dei rtA. Embrik overtok garden og vart g 1823 m Anne Knutsdtr Støle 1807-82-75. Embrik var ein svær drivar og «rettlinjet i prat, som de var de gamle kaller jeg minnes» (HF). Borna til Embrik og Anne: Ola 1824-33-9, Margit 1828-46-19 d av sukkersjuka, Barbo 1831-95-64 g m Jon Hallbjørshus, Ola 1834-58-24, Knut 1836-1912-76 fekk garden, Embrik 1841-94-53 bonde på Grøto, d av sukkersjuka, Guro 1844-1933 g 1873 m Per Grøv (56-4). Knut vart g 1858 m Guro Eivindsdtr Purkestad 1836-1922-86, som då budde i søre Lien. Dei deira sto i søre Lien, og då Eivind med huslyden sin rtA 1861, overtok dei garden og budde der til dei i 1867 fløtte til nørde Torset, der dei so vart verande: Anne 1859-1941 g 1888 m Asle Grøteteigji f 1861, Margit 1860-65-5, Embrik 1862-1943 g 1899. m Gunhild Aslesdtr Torset 1875-1947, dei hadde garden til 1926, Birgit 1863-1944 g m Ola H Hulbaklien, Grønlio i Gol, Barbo 1865 d i Norderhov hjå Jakob, son sin, Eivind 1866-1939 «Store-Eivind» dei kalla, dreiv som handelskar, Ola 1868-78-10, Margit 1871-1936 g 1908 m Embrik E. Haga (Torseth) 1880-1970, Ola 1881-1948, «Guro Ola» dei kalla, budde heime hjå mor si til han og Eivind, bror hans, kjøpte ei stugu hjå Ola P. Langehaug og busette seg der. - *Jakob Torset*, son til Barbo og Ola i. Skar f 1895, tok lærareksamen 1916, var lærar; i Gol, Romedal og so Norderhov i mange år der han var skulestyrar ved Follum skule til 1965. Ei tid formann i Buskerud Jærarlag og mangeårig formann i DNT, der han vart tildelt Kloster-medaljt:n. Fekk Kongens fortentmedalje for sitt arbeid i skulen og fråhaldsrørsla. G 1922 m Guri E. *Haugen* (Tørkjellhaugji) f 1902. Har bygt seg hus iSteinsfjordingen, Ringerike. Born: *Eirik* 1923-49 d som student i Trondheim, *Kjell* 1924 arkitekt i Drammen g 1952 m Marit Grøndahl f 1928 frå Hønefoss. Barn: *Anne Barbro* 1953. Embrik og Gunhild tok over garden. Dei hadde: Knut 1900 bonde på Torset, Asle 1903 bur i Oslo g m Agnes Syversen frå Råde f 1916 (har två gitar), Engebret 1905 tannlækjar i Drammen g m Olga Akervoll Møllhausen frå Oslo, Guro 1908 g 1933 m Trond O. Nygard f 1895 (sjå Jordheim 65-9), Margit 1914 ugift, busett i Drammen, Anne 1919 g m Hans Dahlen frå Drammen (har ei gjente og ein gut). Knut tok over garden 1926, g 1926 m Anne K. Grøthe (63-1) f 1902. Bygde bustadhus 1936, stølsbu 1941, driftsbygning 1946-47. Var den fyrste i Hemsedal som kjøpte jordbrukstraktor 1946, og det vart reine folkevandringa dit for å sjå traktoren i arbeid. Ola Imre meinte

på at det vart både den fyrste og siste av det slaget i bygda, men i dag er det traktor på mest kvar einaste gard. I staden er det hesten som blir burte, om dette er berre bra, får framtida svara på. Borna til Knut og Anne: Engebret 1927 har garden Kristian 1928 bur i Nes g i) 1951 m Liv Strømme frå Ålesund f 1932 (2 gjenter), 2) 1960 m Inge Børg Trandheim frå Gol f 1933 (ei gjente), Per 1930 bur i Nes g 1967 m Erna Andersen frå Nitedal f 1933 (har ein gut), Olav 1932 bur i Røyken g 1961 m Else Holsbø frå Molde f 1935 (har 2 gutar), Gunhild 1936 g 1959 m Otto Lybekk i Gol f 1934 og bur der (har ein gut), Kjell 1941 bur i Gol g 1965 m Ingrid Morønning frå Solør f 1943 (har ei gjente og ein gut), tvilingbroren Arne 1941 d, Arne 1943 bur i Oslo g 1972 m Anne Granheim frå Telemark f 1948 (har ein gut), Magne 1948 bur i Oslo g 1970 m Else Marit Hverven, Oslo, f 1947 (har 2 gutar). Engebret kjøpte garden 1967. I mange år hadde han då farta rundt i bygda og teke onnearbeid med traktor. G 1960 m Sigrd Steinbråten frå Gol f 1937. Dei har borna: Anne-Berit 1962, Knut 1963. Det står eit stølphus (stabbur) på Torset som etter det Knut meiner, skal vera bygt i 1107. Frå kring 1860-70 og fram til 1912 hadde garden kvern og oppgangssag i elva Dyrja. Idag har garden berre två stolar i bruk, heimstøl i Døkken og langstøl på Siresletto, men i eldre tid var 6-7 stolar i bruk. Dei fløtte fyrst åt Øygarde (burta Dyrja) so åt Døkken, Hølo (i Vestlin noko lågare enn Krøss-stølatn), so på Sireslettatn, derifrå enten åt Juvestøle (i Vestlin) eller Skyrvedale (der dei byttest åt med Torset 61-4 og 61-6), og so til slutt på Gamlestøln (burta Dyrja). Bua på Juvestøle hadde berre tre omkvarv. Knut kan minnst at han med han var skulegut tente ei krone dagen ved å vera med i treskingen og dra treskjemaskina. Han var elles ein villstyring som småfant, seier han. Han fekk soleis ein kamerat til å dra slipesteinen, medan han sjøl sette seg oppå for å få slipt høl på skinnbroka som han laut gå med. Han trudde visst at han då skulde få tøybrok, men deri forrekna han seg. Skinnbroka vart bøtt so han laut slite på ho eit bel til. Han trur å minnst at han ogso hogg sund treskorne sine.

Nørdre øvre Torset

Gnr 61, bnr 4, lnr 592 a.

På nørdre øvre Tørset.

Ola Embrikson Torset (61-1) delte garden slik at sonen Embrik f 1804 fekk hovudbølet og dottera Margit 1810-1900-90 fekk den andre luten. Ho vart g 1830 m Knut Olson Skar 1798-1850-52. Knut var eit ærend på Purkestad, og der vart han beden til bords og fekk drevle, som var vanleg fremmanmat den gongen. Han sat i heksætet og et, men fekk drevla i vrangstrupen, kovna og sette livet til på den måten, noko som av og til kan hende. Borna til Knut og Margit: Margit 1831-32-1, Ola 1833-95-62 bonde på Torset, Kari 1836 g 1876 m Knut Turkupp i Gol, Ola 1839-1926 handelskar, «Dulle-Ola» dei kalla, budde mykje hjå Kari syster si, men døydde heime, Margit 1842-1914-72 g 1873 m Ola E. Torset 1843-1920 bonde i Dala, Anne 1845-1918-73 g m Nils Høvdae, bonde i Gjerde, Eikre, Birgit 1849-1917-67 ugift, hadde sonen *Andres* Sveinson 1886 d. - Kari og Knut Turkupp fekk berre eit barn, sonen *Øystein*. Han var ein dugande gardbrukar og med vidfemnande interesser, ein bokelskar. Han vart g m Ingebjørg Hilde frå Hol. Sjugurd, bror til Ingebjørg, vilde eingong gå frå Geilo til Høve (Hovet), men i det tjukke veret vingla han og drog i motsett lei. Dei fann han ikkje att før 18 år etterpå - nørdest i Taugevatne, 9 mil frå der han tok ut. Berre beina og nokre kledesfiller var att.

Ola d.e., Store-Ola dei kalla, tok over garden, g 1858 m Birgit Knutsdtr Torset 1828-1915-87. Dei hadde: Margit 1859-1941, Knut 1863 d, Ingebjørg 1865-1939 ugift, døydde heime, Knut 1868-69-1. Margit fekk garden som odelsgjente og vart g m Eivind Janson Hødn 1857-1925-68. Dei var barnlause, og i 1915 selde dei garden til tenestguten sin Jon Ivarson Brennhøvd frå Gol 1880-1930 (bestefar hans var Ola Ivarson Myte, sjå der). Jon vart g 1916 m Sigrd Olsdtr Jordheim 1893-1967: Eivind 1917 bonde på Torset, Margit 1918 ugift, husmor på Danvik ungdomsskule i mange år, no kjøkensjef på ungdomsskulen, Birgit 1919 g 1951 m Engebret i. Markegård 1913-65, utdana sjukesyster, no styrar på Bygdaheimen, Ragnhild 1921 g 1947 m Per Rundtop 1909-69, Guri 1922 d av kikhoste, Gudrun 1926 g 1952 m Sverre Lie, Skotselv, f 1929 (har ein gut og ei gjente), Ivar 1928 adjunkt og lærar, skulesjef i Flå 1969-73, no styrar ved Hegg skule i Lier, g 1955 m Inger Berit Haugen frå Skiptvedt (har ein gut og 3 gjenter), Jenny 1929-37 døydde av blindtarmbetennels. Eivind kjøpte garden av mor si 1938, har dyrka upp det meste av maskinslåttan og bygt mykje både heime og på stølen. Vart g 1941 m Gunhild Narvesdtr Jordheim (Jorde) f 1917. Dei har: Jon 1942 bonde på Torset, Gunnar Narve 1943 d, Narve 1944 konstruktør i maskinteknikk, busett i Oslo, g 1971 m Solveig Bråten frå sarpsborg f 1946 (born: *Hans Einar* 1973, *Kjersti* 1975), Solveig 1946 g 1969 m Steinar Balsnes frå Nordfjord f 1944, dei bur i Molde (har ein gut og ei gjente), Eli 1952 bur og arbeider i Oslo. Jon har drivi garden samen med far sin frå 1966 og har arbeid i Hemsedal Sparebank ved sida. Bygde ny driftsbygning 1965, bustadhus 1971. Jon vart g 1971 m Ruth Miriam Sørensen frå Stokke i Vestfold f 1946, som har lærarutdanning og har arbeidd ein del ved Tuv og Trøym barneskule. Born: Åshild 1972, Gunvor 1974, Øyvind 1975. I utleigebustaden budde Gudmund Steinar Havardsgard frå Ål f 1943, lærar ved

Hemsedal barne- og ungdomsskule. G 1967 m Vigdis Steinnes frå Bergen f 1947. Fløtte ved nyår 1976 til Heimtun 62-60. Til omlag 1850 hadde garden langstøl på vestre Fete i såtefjelle, men fløtte so til Leinestøle, rett sø for Hydneføsse. Heimstøl i Døkken. Elles frå gamalt som Torset 61-1, men burtafor hadde dei støl på øygarde (til omlag 1880) medan Torset 61-1 var på Gamlestøle.

Steinteigen, no: Teigen

Gnr 61, bnr 3, inr 591 c. 1 Teigji.

Der budde ei tid Ola Herbrandson nordre Torset f 1754, g 1783 m Margit Pålsdtr Hulbak f 1763 (i kyrkjebøkene er ho skrivi Olsdtr, ein annan stad Knutsdtr). Gamle-Eivind sa om denne Ola at han hadde for vis å vattere bort alle ting han åtte. Andre ser derimot saken diamentralt motsatt, deres ting er det beste av alt. Skryter og skrepper. Og mellom disse yderligheter ligger mange nuanser (HF). Ola og Margit budde i Steinteigji fyrst og so på Tubbun. 1801 er dei i Purkestadhauga. Dei hadde: Herbrand 1783 fraus ihel, Anne 1786, Ola 1789 bonde på Tuppe-skogji i Gol, vart kalla Mo-mann, Pål 1792 bonde på Brøyn i Borgund, Embrik ca 1794-1870-76 bonde på Steinteigji, Anne 1801 g 1839 m Halvor Tubbun, Nils 1804-64-60 bonde på Tubbun, Åse og Venåse, Anne 1807-93-86 g 1839 m Knut Hallen. Herbrand, som då var på Tubbun, Knut Sletto (d 1888) og ein til kom dragande med kvart sitt korn lass frå Borgund over fjellet og skulde åt Grøndale. Ved Kjølen ova Breistøl vart dei ute for ein snøstorm så svær at dei laut lata lassa stå att. Herbrand vart så utarma at han måtte gje seg att. Dei andre greidde koma seg åt Grøndale. Dei bar på kvar si tvifasla lærskeppe, som dei brukte den tid til å ha reisepargas i. Om eit bel small det så i skreppen til den eine, og baa trudde at nett då døydde Herbrand som låg att ved Kjølen. Embrik kom til å bu i Steinteigji, g ca 1830 m Guri Knutsdtr Moslåttun frå Tørpo døypt 10. mars 1802, d 7. mai 1894, 92 år gamal: Knut 1830-1905-75 hadde garden, Margit 1832 g m Hans Hulbaklin i Gol, Ola 1834-1906-72 bonde i Torsethaga, Marte 1836-1904-68 g m Embrik Toregarde, Anne 1839 g m Torstein Haugo i Gol, som døydde 1923, 89 år gamal, Embrik 1842-82-40 bonde i Toregarde, Anne 1845-ca 1916-71 g m Halvor Slåttestøle i Gol som døydde i 1918, Olav ca 1849-70-31. Knut overtok garden, g 1860 m Ragnbild Embriksdtr Høvdæ 1834-1918-84, enkje etter Andres Skar. Andres og Ragnhild budde som tilhaldarar i Høvdæ. Ragnhild datt overende og braut lårhalsen eingong og låg seinare tilsengs i mange år med store smerter. Borna til Knut og Ragnhild: Andres 1861-94-33 døydde av tæring, Embrik 1868-1902-34, hadde garden ei tid, døydde av tæring. Embrik vart g 1896 m Birgit Knutsdtr Markegåla 1871-1934. Dei hadde: Andres 1897 har garden no, Ragnhild 1898-1912, Knut 1901-65. Han utdana seg som spesiallærer for dauve, var fyrst lærar i 10 år ved Holmestrand Døveskule, seinare ved Skådalen off. Døveskule, Oslo, til han brått fall frå. Andres tok over garden 1931. samen med Knut E. og Eivind Torset sto han for arbeidet med omlegging og regulering av elva Dyrja, som vart kostnadsrekna til omlag kr. 100000. Arbeidet sto på frå 1944 til 1960. Dette gjorde det mogeleg å dyrke upp store viddar som før var altfor blaute og rålende. Andres har uvanleg godt handelag til å laga alle slags bruksting. Skulde nokon ha ei lett og god rive eller eit ørv som låg godt i hendene, laut dei få han til å ta på seg arbeidet. Han bygde nytt bustadhus 1972 som ligg oppmed den nye veggen og soleis eit stykke ovafor det gamle gardstunet. Garden hadde støl på Fete i såtefjelle til 1903. Då kjøpte Birgit Teigji ein støl på Krøss-stølo (61-27) som før hadde tilhørt søre Torset (61-9).

Torsetjorde

Gnr 6i, bnr 8, inr 592 d. I Jorde.

Den Asle Embrikson på nordre Torset (61-1) f 1775 som ei tid var bonde der, men let Ola, bror sin, få garden, vart buande på ein lut av egedomen som vart kalla Jorde (eller Torsetjorde). Han var lang på vokster og vart kalla Lange-Asle, g 1) 1813 m Barbo Ivarsdtr Kjedbard frå Gol d 1821 kring 36 år gamal. Dei hadde: Margit 1813-97-84 ugift (hadde ei dotter: Barbo g m Arnulv Ivarson Hjelme i Grøndale, dei rtA), Embrik f 1814 g m enkje Birgit Endredøkken, Ivar 1816-98-82 bonde på Anfinhaugji, Ola 1819 d ung, Ola 1821-78-57 bonde i Jorde. - Margit, som dei kalla Jordesgjenta, baka og spann for folk. Dottera Barbo døydde i barnseng. Arnulv Hjelme vart gift att med ei frå Kongsberg og fekk två døtrar med henne. Den eine av dei vart g m Ola Person sande ved Trøym. - Då kona til Asle var død, vart han g 2) ca 1823 m Margit Knutsdtr Moslåttun frå Tørpo, syster til Guri Steinteigji. Ho hjelpte til med alt mogeleg i grenden: baka for folk, var reikjering i gjestebod, hjelpte til som jordmor, kledde lik osv. Ho døydde hjå stykkson sin, Ivar Anfinhaugji i 1886 kring 89 år gamal. Asle og Margit hadde:, Barbo 1823-1909-86 g m Sølve Mørken, Knut 1827-1911-84 bonde på Grøteteigji, Herbrand 1830 og Nils 1833 rtA, Marte 1836-1917-87 g m Ingvar Hustad. Ola f 1821 fekk garden, g 1853 m Guri Olsdtr Sørbøl 1821-78-57: Asle 1855-1934 tilhaldar i Anfinhaugji, Ola 1857-60-3, Barbo 1859-1929 g 1892 m Embrik Lien (89-4) f 1865, Sigrid 1862-1929 (JordesSigrid). Då Ola Asleson var død 1878, vart garden selt til Ola Bjørnson Kilo 1834-1907 g 1885 m Dørdei Torkjellsdtr Torkjellhaugji 1848-1928. Dei hadde: Bjørn 1855 rtA og vart gift der, har tre attlevande born (før han

rtA hadde han ei dotter: *Borghild*), Torkjell 1887-1957 bonde på Jorde, g 1932 (el. 1931) m Anne Jakobsdtr Skar 1882-1944. Barnlause. Arvingane etter Bjørn selde garden i 1958 til *Knut Sverre Grøthe* frå Tørpo, som då var lærar på Torset skule. Han selde han att 1960 til *Torleif O. Kirkebøen* f 1920, som er eigar idag. Han leiger burt innmarka, og det er ikkje lenger fastbuande folk i i orde.

Anfinhaugen

Gnr 61, bnr 7, Inr 592 d. I Anfinhaugji.

Her budde Anfin Andresson Ullsåk 1756-1803-47, og kan hende er det han bruket fekk namn etter. Han vart g 1792 m Barbo Larsdtr (frå Grøto?) 1749-1831-82: Kari 1792, Kari 1795.

Den neste som er nemnd, er Ivar Asleson Jorde 1816-98-82 g 1848 m Anne Olsdtr Fløgo 1825-91-66: Asle 1849-1925 bonde i Anfinhaugji, Ola 1852-1936 ugift, døydde heime, Ingerid 1856-84-38 g 1888 m Hans Embrikgarde (53-2) 1849-1914, Svein 1859-1919 rtA, vart gift der og døydde der, let etter seg två born som enno lever, Embrik 1861-1946 g 1904 m Ingebjørg Olsdtr (frå Hulbak) 1858, enkje etter Andres Venåsbakko (90-4), barnlause, dei budde ei tid i Bakko, og Embrik vart kalla Bakkemann, Harbo 1864-1907-43 g 1899 m Torleiv Smøttebrøta i Gol. Asle overtok garden, g 1879 m Guri Gunnvaldsdtr Bergo i Lykkjun 1853-84-31. Dei hadde: Ivar 1878-1905-27 d av hjernehinnebetennels, Anne 1880-1951 ugift, budde heime, Gunnvald 1882-1970 bonde på Anfinhaugji. Gunnvald overtok garden, g 1927 m Eline (Lina) Snerthe 1895-1966. I gamal tid hadde ogso Anfinhaugen langstøl på Fete og truleg vårstøl burtafør på Jøtun, men rudde og bygde so ny støl synst på Krøss-stølo. Ny låve vart bygt i 1931. I 1950 skulde Gunnvald grava ny brun og kom ikkje tidnok undå då mineskotet gikk. Han Berga livet, men miste synet på bae augo. Det knekte likevel ikkje livsmotet. Han rusla på både ute og inne og laut alltid ha noko å ta seg til. I yngre år var han ein framifrå flink smed og hjulmakar. Det treng ein ikkje å tvile på når ein veit at han no, utan å kunne sjå, var i stand til å laga og setja samén endå eit vognhjul, det siste. Han «hadde det i fingo». Borna til Gunnvald og Eline: Guri 1929 g 1965 m Oskar O. Holde f 1923, Asle 1932. Asle tok over garden i 1953. Bygde bustadhus 1961, stølsbu 1971, nytt fjøs heime 1974.

Muskemoen

Gnr 61, bnr 17.

På Muskemoe. Frådelt Torset 61-1 i 1908 som «Moen østre».

Ein musketer frå Ålsgjeld skal ha bygt der, og derifrå skal namnet skrive seg. Seinare kom Sjugurd Bjørnson Kilo (63-15) 1831-1913-82 åt Muskemoe, g 1) 1858 m enkje Guri Sveinsdtr Fløgo f 1802, som hadde vore gift (1829) med Ola Sjugurdson Trøymseigo 1768-1853-85, son til Sjugurd Torkjellson og Guri Jakobsdtr Øygarde. Då Guri Sveinsdtr døydde, vart Sjugurd Bjørnson g 2) 1879 m Kari Knutsdtr Klepp eller Nivstad frå Gol, d 1908, ca 78 år gamal. Barnlause ekteskap bae två. Sjugurd døydde brått. Han pusla med noko arbeid «uti garde» og fall død om. Sjugurd var farbror til *Torkjell Jorde* 1887-1957. Torkjell lova å ta seg av Sjugurd dei siste åra han levde, og som takk for det skulde han få erve farbror sin. Soleis vart Muskemoen frå 1913 tilhøyrande Jorde 61-8. Ved utskifting 1915 kom det i stand eit makebyte mellom Jorde og Anfinhaugji for å få greiare eigedomsgrenser. Anfinhaugen fekk tillagt Muskemoen «Moajorde») og Jorde fekk att eit jordstykke lenger ned (mellom dei två gardstuna). I gamal tid var det nok ofte smått i matvegen for mange på dei minste bruka, soleis og på Muskemoe. Folk sa til Kari at det likevel var lettare for henne som ikkje hadde småungar å koma i hug. Men Kari meinte ikkje det: «A nei, enn so mykjy go mat dei få då! E skulde gjedne eige ongatn før heile Tørsetsiun!» - Ho tenkte på den gamle skikken med sendingskost til barselkonene. So lenge dei heldt senga etter fødselen, kom grannekonene på gjesting med barselgraut (rummegraut eller grynmat) eller anna godt. Og slikt var nok sjeldan kost for Kari og mange med henne (ES). Skikken er kjend vide ikring og var endå i bruk i min barndom, men vart meir avleggs etterkvart (OR).

Åsen

Gnr 61, bnr 16, Inr 591. i Åse. Skriveform: Åsen.

Nils Olson Steinteigji bygde åt seg der, men fløtte åt Tubbun i Grøndale. Med dei var i Åse, vart Guri, kona hans, lagt på ei tæla dunseng då ho skulde ha barn. Det gav henne ein helseknekk, so ho aldri vart frisk meir, men døydde berre 34 år gamal. Ei god tid seinare budde Knut Olson Jegerhaugji 1822-94-72 i Åse g m Ingerid Oddmundsdtr Grønåse 1829-1908-79. Ho døydde på Jordheim. Knut var son til Ola og Margit Jegerhaugji, og denne Ola var son til Knut Olson Ullsåk og Rangdi Sveinsdtr Hallbjørshus. Knut Åse fekk verk i eine auga og vart blind på det dei siste åra han levde. Borna til Knut og Ingerid: Ola 1856 rtA g 1884 m Anne Olsdtr Hustadbergji, Margit 1857, Margit 1860 g 1885 m Ingvar Prestgardhuso, Rangdi 1863 gift uttafør, Kari 1866 g 1895 m Hans Hulbaklin i Gol, Anne

1868, Oddmund 1871 rta, Oline 1874 g m Elling Brasalin, Grønlio i Gol (skriv seg Lio). Gunhild, mor til Elling, var syster til Engebret Torkildson, som ei tid åtte Imre 66-1. Per, son til Oline og Elling, døydde ved vådeskot. Han og fem andre gutar frå Grønlio var på jakt ved Krøss-stølo. Per sto ved ein stein og støa seg attåt gjeværet. Rett som det var, gikk skotet av og råka han i magen. «Detta greie e kji,» stunde han. «A nei, koss ska det bli med 'n mor då?» Han døydde dagen etter. Men han hadde ein yngre bror og fleire systrar. Faren var død i 1916. - Ogso Hans Hulbakklin døydde brått. Han var ute i skålen etter eit vedfangand og datt død ned då han skulde reise seg.

Åsen vart sjøleigarbruk (utskilt frå Torset 61-1 i 1908), og vart då kjøpt av Helge Vilhjelmson Høgehaugji 1862-1945 g 1905 m Birgit Sjugurdsdr Hjelme 1959-1913-54. Dei var barnlause. Helge arbeidde mykje med å ta «hellu» (skifer) i Skogshødn. Dreiv der aleine månad etter månad vinterstid og låg om nettene i ei stølsbu. Det var audsleg og kaldt, men han spara seg ikkje. Tok upp tusen på tusen med takstein. Helge døydde på Gol gamleheim, men vart gravlagd i Hemsedal. Helge selde Åsen 1942 til Olaf L. Jordheim (65-8) 1884-1954. Ugift. Olaf dreiv noko som handelskar, for rundt på gardane og kjøpte upp m.a. skinn, i seinare år serleg kalveskinn, og vart av den grunn gjerne kalla «Kelve-Olaf». Han kvitte seg ikkje for å «gå ein tur». Når han hadde kjøpt upp eit passeleg lass på dragarkjelken sin, sette han i veg og drog lasset til Gol stasjon i all slags ver og føre for å sende det vidare derifrå med toget - ein tre mils veg. I 1946 selde han Åsen til Jakob Haugen 1900-62 g m Kirsti Spangelo f 1898. Dei budde ikkje der, men dreiv jordvegen. Jakob var byggmeister og sette upp stugu og uthus i Åse. Jakob døydde brått hausten 1962. Han var på leiting etter ein saueflokk, og hadde vel meint å jaga dei heim i Åsen. sauene kom, men ingen Jakob. Han låg att i skogen og vart funnen død seint sama kvelden. Jakob var ein venesæl mann, glad både i dyr og menneske. Våren 1964 selde Kirsti Åsen til *Eirik O. Snerthe*, men no er det ikkje lenger fastbuande folk der. I 1948 hadde Jakob bygt ei hytte i Åse og selde denne med tomt til distriktssjef Thorvald Eriksen, Hønefoss. Noverande eigar av «*Åsheim*» 61-32 er Tor og Ellen Borgersen, Lillestrøm.

Snerthe

Gnr 61, bnr 2, lnr 591 b. På Snerthe eller Snertheaugji. Skriv seg Snerthe.

Trond 1786-1853-67, son til Bjørn Trondson Grøto og Anne Asledtr Imre budde her. Etter kyrkjebøkene skal Bjørn og Anne ha butt i Døkken, men kva for Døkk står det ikkje noko om, kan hende Skarsdøkkji. Dei hadde: Trond 1781 d ung, Barbo 1784, Trond 1786-1853-67 bonde på Snertheaugji, Barbo 1792. Trond vart g 1830 m Kari Olsdr Ullsåk 1800-68-68. Dei arbeidde seg fram til velstandsfolk. Born: Ola 1830-1919-89 bonde på Snertheaugji, Anne 1834-1908-74 g m Ingvar Rusto, Ågot 1837-1919-82 g m Eirik Haug og so med Knut Fekjo. - Trond sette livet til under timmerhogst med di han fekk eit tre over seg. Ola, Snerthen dei kalla, var ein omframnt flink arbeidskar. Kvar stund og time, seint og tidleg, var han i gang med jordarbeidet. Haust og vår sto han på åkerbrøtet til heile inngjerdinga låg der som fin eng. «Jeg vil sette Ola Snerthe i klasse med menn som Ola Løvehaugji, Aslak Bakke, Sjugurd Bakko og Ola Storejorde» (HF). Ola vart g 1856 m Øli Embriksdr Torsethaga (Skar) 1833-1931: Trond 1856-1947 hadde garden til 1912, Kari 1858-1952 g 1) 1887 m Embrik E. Grøto (63-6), 2) m klokkar Odd S. Grøto 1846-1927, Embrik 1861-1934 bonde i Toregarde og so i Snerthe, Margit 1865-1938 g 1894 m Nils nordre Fekjo (72-2) 1856-1941, Herbrand 1867-1931 bonde på Grøto (63-13) til 1915, deretter i Nordhaga (63-19) g 1901 m Margit Olsdr Tuv (81-1) 1880-1942, Anne 1870-1958 g 1894 m Lars P. Markegølo (54-2) 1865-1922, Birgit 1873-1922 g m Knut Anfinson Øynelien i Gol 1865-1938, Ola 1875-1955 g 1905 m Kristine Olsdr Brøta i Gol 1876-1956, han kjøpte Grøto (63-13) av broren Herbrand, var ein sers flink rosemalar, og mange av hans arbeid finst rundt omkring i bygden, Agot 1879-1967 g 1906 m Ola Nilsson Vøllø (85-3) f 1876, han fylte 100 år no den 9. mars (1976). - Dei fleste av dette store syskinlaget nådde ein høg alder, alle vart velstandsfolk, og alle so nær som Birgit vart verande i Hemsedal, men Øynelie ligg i Grønlio, so det er ikkje langt frå Hemsedal. Trond fekk farsgarden fyrst, g 1888 m Margit Torsteinsdr Huso (63-6). Dei hadde: Eline 1888 g 1909 m lærar Ola Løkji 1874, Modum, Anne 1890 g 1911 m Knut Svang i Gol, Ola 1892-1908-16, Kari 1895 g m Jakob Brandvøl på Fekjo, Guri 1897, Margit 1902-23-21, Gunhild 1906, Oline 1914. Gunhild og Oline rta og vart gifte der. Ola hadde hjartefeil, og konfirmasjonsdagen var han so skral at han berre so vidt greidde vera med, ikkje lenge etter døydde han. Han fekk gravstaden sin mellom Anne Båste, syster til bestefar hans, og Anne Huso, bestemor si. i 1912 selde Trond garden til Embrik, bror sin, og fløtte til søre Fekjo, der Ågot, farsyster hans, budde. Embrik hadde før hatt Toregarden i Lykkjun (sjå 53-3) og fekk no att farsgarden. Han vart g 1895 m Kari Persdr Markegølo (64-3) d.e. 1871-1909. Dei hadde: Eline 1895-1966 g 1927 m Gunvald Anfinhaugji (61-7) 1882-1970, Ola 1897 fekk garden, Margit 1899-1933 g m Thomas K. Mythe 1895-1964 (54-6), Kirsti 1900 d, Per 1902-03, Kirsti 1904 d, Per 1905 d, Peder 1907 g 1932 m Birgit S. Bråten frå Gol f 1909, styrar for Hemsedal Forbruksforening (ved Trøyem) 1950-75, Kirsti 1909 d. Ola overtok garden i 1925, g 1927 m Tora E. Torset (61-9) f 1903. Frå gamalt hadde utmarka vorte nytta vel. Det var 15

små utløer spreidde frå myrane til øvst i bjørkeskogen, brukt til høy og kjervelaav. Eit par av dei vart nytta år om anna fram til 1947. Men no står dei siste og rotnar ned, lik tusenvis av slike «minnesmerke» i Hemsedal og andre stader. - i Storemyrn nedafor Snerte vart det teke ein god del brenntorv. Før siste krigen kjøpte Hemsedal Meieri retten til dette av Knut E. Thorset og Ola Snerthe. Det vart sett upp eit svært maskineri med bensinmotor til maling og pressing av torv, ei rekkje små turkehus, trallebane mellom desse, kvilebrakke for arbeidarane m.m. Under krigen stogga det upp på grunn av skort på bensin, men i 1945 kom det i drift att nokre månader med tysk arbeidskraft. Soleis fekk ogso okkupantane gjort litegrand nytte for seg - dei hadde mykje å ta att! Sea vart bensinmotoren brukt ei stutt tid på Hensrudsaga. - Etter utmarkskiftet for nørre Torset vart Ola K. Tuv eigar av denne luten av myra (Tuv har ein skogrem frådelt Torset 61-4). Hemsedal Skyttarlag fekk i stand leigeavtale med han og bygde ny skyttarbane her 1973. Den friviljuge skyttarrørsla spela ei ganske stor rolle i motstandsørsla under krigen, helst det fyrste året. (Som eit snodig samentreff kan nemnast at lagshuset til skyttarlaget til slutt vart brukt som kvilebrakke for tyske «soldatar».) - Ola bygde ny driftsbygning 1950-51. Denne vart totalskadd av brann 1967, og Eirik, son hans, bygde ny året etter. Borna til Ola og Tora: Engebret 1928, busett i Oslo (Bærum), g 1956 m Mathilde Marie Gjerpe frå Horten f 1928 (dei har ein gut og ei gjente), Eirik 1936 kjøpte garden i 1964 og driv han no, Kjell 1938 cand. mag. busett i Oslo (Nesodden), redaktør av «Dag og Tid», g 1970 m Grethe Jervøy frå Oslo f 1945 (har ei gjente og ein gut). - i 1964 kjøpte Eirik bruket Åsen (61-16) av Kirsti Haugen. Dette ligg lagleg til for å nyttast samen med garden. På 1800-talet var det mange av gardane i grenden som hadde langstøl på Fete i satefjelle sø før Tåtta. Ola og Tore Snerthe var dei siste som støla der (til 1930). Kjøpte so Mørkstøln på Krøss-stølo, ogso kalla Grøvstøln (52-15), av Halvor Eikrehagen og bygde nye stølsbus der. Heimstølen i Døkken har ikkje vore i bruk sea 1931.

Tørkjellhaugen

Gnr 65, bnr 5, Inr 616.

På Tørkjellhaugji.

No vanleg kalla og skrivi: Haugen.

Ligg på austsida av åsen. Kring 1800 budde her Knut Knutson Jordheimseigo (sjå under Jordheim 64-1). Han var g m Barbo Sjugurdsdr Hallbjørshus 1755-1834-80. Dei hadde: Knut 1790-1839-49 g 1820 m Anne Mekkelstr Skølt i Rundtupp 1783-1844-61. Dei vart buande på *Grøvshaugji* (sjå der). Det var han dei kalla «Knurn». Den andre sonen Sjugurd f 1795 vart g 1829 m Gunhild Torsteinsdr Rohaugji, Gol, og dei hadde: Knut 1832, Barbo 1835, Anne 1839 d. So vart Tørkjellhaugen kjøpt av Tørkjell Torleivson Uppsata frå Tørpo 1818-88-70 g 1843 m Margit Jakobsdr Skar 1821-1905-84. Det er venteleg etter han at bruket vart kalla Tørkjellhaugen. Han svarva skåler og rokkar og var elles ein strevsam mann. Dørdei, mor hans, budde hjå dei ei tid. Ho sette livet til under ei jordskriu i flaum året 1860. Borna til Tørkjell og Margit: Dørdei 1848-1928 g 1885 m Ola Bjørnson Jorde (Tørsetjorde 61-8) 1834-1907, Eirik 1853-1906 hadde garden, Birgit 1859-1945 g 1896 m Tore Olson søre Fløgo (67-9) 1859-1937. Eirik vart g 1897 m Ingebjørg Torsteinsdr Haugo, Lislalien, Gol 1866-1958. Dei hadde: Margit 1898 busett i Drammen, g 1) 1926 m Karl Leif Berglund frå Sverige d 1937 (barn: *Karin Margareta* 1926), 2) 1939 m Kristoffer Dahlen, Drammen, 1885-1968), Guri 1902, busett i Steinsfjerdingen, Ringerike, g 1922 m skulestyrar Jakob Torset f 1895 (sjå Torset 61-1), Torkel 1904 ugift har garden no. - Ingebjørg vart uppatgift 1908 m Ola Skøyte 1880-1964 (barnlause). Ola, Tørkjellmann dei kalla, var ein sterk kar. Eingong dreiv han på heimstølen Langeset og Berga inn turrfor. Han hadde ikkje hest, men drog høysleden sjøl. Det kom ein kar forbi som sag dette og sa: «Det æ ingjin sak før de Ola, du må vera sterk som ein hest!» Ola svara: «Å ja'rå! Som ein liten fjording so! E trur no det!» I 1947 vart Ola stanga av ei kyr, og det gikk so gale at han miste eine auga. Garden har langstøl på Krøss-stølo. Tørkjell (Uppsata) og Margit rudde denne stølen og bygde der. Sonesonen Torkel bygde ny stølsbu der i 1945. Heimstøl hadde dei på Langeset. Denne var i bruk til 1943-44. Der ligg kraftstasjonen til Oslo Lysverker Hemsil I. Til garden høyrer ein gamal buplass som heiter

Skurvedøkk

Der skal det i eldre tid ha butt ein huslyd: Embrik Knutson Fiskum g 1857 m Guri Olsdr Nilssongarde. Dei hadde två born: Margit 1858, Birgit 1861.

Her har no *Karin Margareta Berglund* f 1926 (dotter til Margit f 1898) fått tomt og bygt hytte. Ho vart g 1952 m Ray Anker Larsson Ekeberg. Dei bur i Drammen og har två gjenter.

Ogso eit anna nedlagt bruk låg der i nærleiken:

Reiardøkkji

Både Tørkjellhaugen, Skurvedøkkji og Reiardøkkji høyrde Jordheim til i gamal tid. Det sama var tilfelle med ein eigedom til, nemleg *Hølgjahaugen* (64-2), som ogso låg vesta Åne. Han er no teken med under Jordheimsgardane.

Andre huslydar i Skar og på Torset:

1. Elling Tomasson frå eit Trøymbruk 1744 vart g 1777 m Anne Nilsdtr, budde på ein Skarsplass, men kring 1801 kom dei åt Leirehaugji, eit bruk under Hallbjørshus. Dei hadde i Skar: Nils 1779 g 1804, far til Toræ-Torleiv, Tomas 1781.
2. I Boyesen-tida er det gift eit par Knut Asleson Torset og Kari Sveinsdtr Kyrkjebøn. Knut døydde 1716. Dei hadde ei dotter: Barbo. I skiftet 24-9-1716 er det nemnt eit sylvbelte som hadde tilhøyrt mor til enkja, Barbo Torleivsdtr Kyrkjebøn, som det var skifte etter sama dagen, det vart verdsett til 4 rdl.
3. Mekkel Torset med dotter: Jartrud 1693.
4. Ola og Birgit Torset g 1707. I 1741 døydde eit ektepar Ola Toreson, 80 år gamal, og Birgit Ivarsdtr, det er kan hende desse. Dei hadde: Birgit 1709 g m ein Trond Jonson i Valdres, Tore ca 1711.
5. Knut Knutson Torset g 1741 m Margit Sveinsdtr: Svein 1742, Knut 1744, Margit 1745, Anne 1747.
6. Embrik Torset hadde ein son: Ola 1751.
7. Knut Knutson Torset g m Birgit Jakobsdtr: Embrik 1752 (d 1766).
8. Hans Helgeson Torset g m Birgit Gudtormsdtr Eikrehaga d.e.: Rangdi 1759, Helge 1761-1833-72 bonde på Jordheim, Rangdi 1763, Gudtorm 1764, Gndtorm 1765, Gudtorm 1769-1820-51 tilhaldar på Jordheim.
9. Ola Toreson Torset g 1767 m Sigrid Tomasdtr: Sigrid 1768, Tore 1772.
10. Henrik Knutson Torset g 1775 m enkje Birgit Gudtormsdtr (som før hadde vore g m ovafor nemnde Hans Helgeson). I 1801 budde dei på Jordheim. Dotter: Sissel 1778.
11. Nils Hallsteinson Torseteigo g 1791 m Ingebjørg Toresdtr (Ullsåk 1767-1849-82): Gunhild 1793, Margit 1798 d, Hallstein 1804 g 1829 m Ingebjørg Eiriksdtr Høvtuneigo i Gol, Tore 1806-33-27.
12. Ola V. Torseteigo g m Liv Arnesdtr: Ingebjørg 1810, Vilhelm 1812, Margit 1815, Barbo 1817.
13. Ola Olson og Guri Toresdtr på ein Torsetplass: Tore 1816.
14. Lars Toreson og Rangdi Olsdtr på ein Torsetplass: Ingebjørg 1790 (med ein son: Ola Knutson 1828).
15. Hallgrim Jørnson Røtneimsøyn g m Barbo Olsdtr Torset.

Andre døde i Skar eller på Torset:

Anne Knutsdtr Skar 1699. Knut Olson Skar 1773, 54 år gamal. Nils O. Skar druknar 1780, 36 år. Nils Hallsteinson Skarsplass 1811, 48 år. Hans Olson Skarsplass 1813, 60 år. - Kone Margit Torset 1736, 86 år. Rangdi Olsdtr Torset 1766, 71 år. Anne Andresdtr Torset 1767, 20 år. Jon Olson Torset 1773, 64 år, ugift. Jon hadde två systrar: Anne og Ingebjørg. Margit Aslesdtr 1780, 62 år. Bjørn Olson Torset 1801, 1 år. Birgit Olsdtr Torseteigo 1803. Birgit Olsdtr Torseteigo 1813, 1 år. Ingerid Olsdtr Torsetplass 1810, 1 år. Håkon T. Torset 1813, 70 år. Andres Olson Torsetplass 1814, 72 år. Lars Larsson Torsetplass 1814, 60 år. Sigrid K. Torset 1816, 78 år. Birgit Embriksdtr Torsethaugji 1830. Legdslem Ola Hansson Torset 1831, 88 år. Guri Embriksdtr Torset 1840, 1 år. Barn Anne Knutsdtr Torset 1841. Eirik Håkonson Torset 1843. Enkje Else Larsdtr Haga 1842, 80 år. Barn Margit O. Torset 1866.

Grøtegardane

Namnet Grøto (av grjot: stein) tyder på høg alder, og garden eller busetnaden her er venteleg av dei eldste i Hemsedal. Fornleivningar som er funne på Grøto, peikar ogso i den lei. Etter det futen Ivar Wiel veit å fortelja i sin «Beskrivelse over Ringeriges og Hallingdals Fogderi» 1743, var det funne två bautasteinar, som han kalla det, på Grøto, den eine nedvelta, den andre 4 alner høg og med eit hol i toppen, og like ved desse steinane var det fire runde haugar, steinsette rundt omkring. Ogso i nyare tid er det gjort fornfunn på Grøto. I gamal tid låg gardane lenger uppe i bakkane enn no, og myrane var ikkje oppdyrka då. Ja, husa på Grøteteigji var fløtt ned i manns minne, sa dei gamle.

I eldre tid låg dei fire Grøtegardane tett ved kvarandre, men ved utskiftning i nyare tid (siste so seint som i 1908) er dei skilde åt og fløtt frå kvarandre. Fleire bruk er skilde frå den eller dei opphavlege eigedomane ned gjennom tidene. Det er no fire gardar som heiter *Grøto* (på Grøto, vanleg skrivi *Grøthe*), og so er det *Grøteteigen* og «nord i Haga» eller *nordre Grøto* 63-19, *søre Grøtehaga* og *nordre Grøtehaga* (no bur det ikkje folk der lenger) og *Grøterud*. «Vesta Åne» låg dei no nedlagde

bruka *Grønåsen* og *Kilo*. Dessutan er det nemnt *Grøteeigo*.

Grøtegardane har den høge Grøtenuten sø ovafor, og ned frå denne nuten ligg det ei brei og svær steinurd. Her har det rasa ut mykje stein fram gjennom tidene. Det går ei søgn om at eit slikt ras øydela ein gard som låg uppi bakane der, *Uppheim* dei kalla. Om denne søgna har noko for seg, kan ein ikkje veta. Men urda er temmeleg grovsteinut, so det har nok gått eit eller fleire skremelege ras der i si tid. I Grøtenute er det ein tydeleg sprekk som kan tyde på at det eingong i tida vil koma eit nytt ras. Han har utvida seg i manns minne. (Nemnd alt av Wiel § 151.) Två av Grøtegardane har langstøl på Grøtestøle, på ei høgd (Hiberget) mellom Skogshødn og Helsingvatnet, det forte 1st forresten at 63-1 hadde støl ogso på Jordheimsstølo og sat der skiftevis. Grøto 63-6 har støl på Sørhjalle (rett ned for Jonsstølo), Grøterud har støl på Løkjisstølo, søre Grøtehaga på Blomesletto og dei tre andre på Jonsstølo. I eldre tid skal Grøto ha hatt langstøl i Lægre innafor Kvannegrøo (upplysning av Engebret Engene).

Grøto 63-1

Gnr 63, bnr i, lnr 607.

På Grøto. Vanleg skriveform: Grøthe.

Skattematrikkelen av 1647 nemner två Grøte-gardar, baa skattlagde som halvgardar. *Anfind Grødte* bur på den eine, men *Anfind Houg* eig 6 løbel i han. På den andre bur *Tholluff Grødte*, som «følger Laurids øffre sathoe (Ål) med bøxell 12 løboel». Den fyrste som kyrkjebøkene nemner, er Sjugurd Grøto (son av ovannemnde Anfin) g m ei Kari. Av borna deira er nemnt: Ingerid 1695 venteleg d ung, Ingerid 1697 (g ca 1728 m Sjugurd Embrikson Brandvøl), Nils 1700, Ingvar 1703. - Sjugurd Grøto og Trond Grøto blir nemnde som stemnevitne i 1709. I pantebok for Ringerike og Hallingdal nr. 6 folio 93 står det at søre Grøto av Sjugurd Anfinson er selt til Halvor Sjugurdson Grøto for 260 rdl i 1727, det må venteleg vera son til Sjugurd og Kari. Og i sama boka folio 114 heiter det at søre Grøto er pantsett av Halvor Sjugurdson til Ola Hansson på nørdrø Grøto for 260 rdl i 1728. Denne Halvor Sjugurdson Grøto vart g m. Mari Olsdtr d 1752, som før hadde vore g m ein Jørgen Olson Arnegard frå Ål. Dei hadde borna Ola og Jørgen. Etter kyrkjeboka hadde Sjugurd og Mari berre ei dotter Anne, men etter skiftebrev frå 1747 og 1753 hadde dei fleire: Olaug ca 1718 g m Tore Olson Markegølo, Margit d.e. 1720, Margit d.y. 1722, Torgunn 1725 (med born: *Tore Toreson* 1745 og *Mari Oddmundsdtr* 1752), Anne 1726 g m Knut Knutson Ullsåk. I 1742 gjev Sjugurd og Mari skøyte på eigedomen til versonen Tore Olson Markegølo g 1743 m dottera Olaug. (Som eit kuriosum kan nemnast at i 1748 hadde Tore Olson Grøto, Tore Olson Ullsåk og Tore Olson Torset born til dåpen.) Borna til Tore og Olaug: Ingerid 1743-84-41 g 1766 m Lars Olson Kyrkjebøn, Guro ca 1744 g 1762 m Bjørn Løkji, Sjugurd 1748 bonde på Grøto, Ola 1746-98-52 d i Rusto utan livservingar, Halvor 1748 d, Halvor 1749 d, Halvor 1750 d, Halvor 1751-1809-58 budde i Rusto, Mari ca 1752 g 1770 m enkjemann Gudbrand Gudtormsen Børtnes på Nes, Birgit 1755 g 1) m Vilhjelms Grøndale og 2) m Oddmund Grøndale, Margit 1757 truleg d ung. Sjugurd fekk garden g 1766 m Gunhild Herbrandsdtr nørdrø Torset 1745-1820-75: Tore 1766-1803-34 ugift, Herbrand 1770-1830-60 bonde i Uppistugun på Grøto, Ola d.e., 1776-1863-87 bonde i Nistugun på Grøto, Olaug 1779 d, Olaug 1780-1819-39 g m Knut Embrikson Torset, Halvor 1784-1866-82 bonde på Leirehaugji, Olav d.y. 1787-1861-74 g 1829 m enkje Barbo Imre, på Grøto. - Gunhild vart g att 1791 m Per Hansson Trøym f 1758. Tore skulde hatt garden. Han var trulova med ei gjente frå Lærdal og var reist dit for å hente henne. Men der vart han sjuk og døydde. Sjugurd delte då garden slik at Herbrand fekk hovudbølet 63-3 (øvre garden) og Ola d.e. nedre delen 63-1. Ola vart g 1803 m Margit Olsdtr Kyrkjebøn 1782-1863-81. Dei hadde: Gunhild 1804 d ung, Ragnhild 1806-10-4, Sjugurd 1810-94-84 bonde på Grøto, Odd 1812-44-32 bonde på Hallbjørshus, Ragnhild 1814-58-44 g 1838 m Eirik Haug, Olaug 1820-1912-92 g 1841 m Ola Langehaug, Tore 1817-94-77 ugift, Gunhild 1824-33-9, Guri 1829 d. - Ola og Margit følgdest åt til grava. Sonen Tore fortalde at Margit var lenge sjuk på det siste, men var ved full sans og samling. Eingong sa ho: «No ska e rette me vel ut, so blir det kji so møle (mødeleg) før dikko nåre sko snugge me ni kista!» Ho vilde ikkje bli til for mykje bry. Sjugurd fekk garden g 1830 m Ingerid Halvorsdtr øvre Løkji 1804-96-92. Sjugurd var underlensmann og fekk mykje attårbeid av den grunn. Han høyrde til haugianarane og heldt jamleg samlingar, reiste ogso som forkynnar på gjesting i grannebygdene: Valdres, Sogn, Gol og Ålsgjeld. Han hadde ei mjuk og ven songrøyst, som har gått i arv i ætta. «E med vil prøve å syngji, men e fær det kji te å låte so fint som han Lars Pålgarde,» brukte han å seie (Lars Pålgard frå Hol reiste ofte i Hemsedal som bibelbod for Lutherstifelsen). Sistpå var han svært halt, so han kom ikkje so vidt lenger (OR). Born: Ola 1830-1910-80 bonde på Grøto, Halvor 1832-1906-74 bonde på Ullsåk og Ålstveit, Per 1835-1912-77 bonde i nedre Ålrust, Margit 1838-1921-81 g m Andres Hulbak, Svein 1841-65-24, Sjugurd 1843 bonde på Trøyflat i Vestre Slidre d ca 1918, Odd 1846-1927-81 lærar og kyrkjesonar, bonde på Jordheim og Grøto, Tore 1852-1933, skomakar og fiskar, budde den siste tida i ei lauskarstugu ved Jorde (Engjo). - Sonen Sjugurd som drog til Valdres, vart g 1871 ro Barbo Olsdtr Kyrkjebøn. I Hemsedal hadde dei: *Sjugurd* 1871 skreddar, busette seg på

Nes g m Guro Tyribakka, *Ingerid* 1873, *Ola* 1874, *Svein* 1876. På Trøyflat har Sjugurd-namnet gått i arv i tre ætt- leder. Den andre av dei, *Sjugurd* Trøyflat vart g m Randi Semlebakka, og yngste sonen deira *Ola* Trøyflat f 1908 overtok Semlebakkin i Ulnes etter morbror sin, som var ugift, *Ola* vart g m Guri Bø frå Vang (har ei dotter). Randi og Sjugurd hadde ogso två døtrar: *Barbro* g m Andris Kvale i V. Slidre og *Berit* g m Nils Brujord i Ulnes. Den *Syver Trøyflat* som no har garden, er f 1907. (Upplysningar av Knut Holden, Fagernes.) *Ola* fekk garden, g 1861 m Anne Knutsdtr Trøym 1836-1926. Han var ein stillferdig og arbeidsglad mann, typen på ein ekta hemsedalsbonde. Forutan gardsarbeidet fekk han ogso tid til anna arbeid, m.a. tok han ein god del «hellu» (skifer) i Skogshødn. Dei tok skifer der ei tid, den drifta er no nedlagd, men i min barndom (OR) dreiv dei endå ein del med det (sjå H. Reusch: Tagstensskiferindustrien ved toppen av Skogshorn, Norsk Tidsskrift for haandverk og industri 1935 s. 229). Borna til *Ola* og Anne: *Ingerid* d.e. 1862 g m Trond Båste, Sjugurd 1864 bonde på Grøto 63-3, *Ingerid* d.y. 1866-1923-57 g m Halvor V. Løkji, Knut 1870 d, Knut 1871-1958 bonde på Grøto, *Svein* 1874 d, *Margit* 1875-1956 g m *Ola* Storejorde, *Barbo* 1879 g m *Per* Båste i Grohaugji, *Svein* 1882 rtA. Knut fekk garden, g 1901 m *Margit* Sveinsdtr lordheim d.e. 1882-1962. Dei hadde: *Anne* 1902 g m *Knut* E. Thorset, *Ola* 1903 bonde på Grøto, *Gunhild* 190615-9 (døydde etter ein stuttvarig, hard sjukdom til stor og uventa sorg for foreldra), *Margit* 1910 g m *Olaf* Engene, *Ingerid* 1914 g m *Torleiv* Thorset, *Svein* 1916 g m *Kristine* Storeskar i Bakka og bur der, *Gunhild* 1919 g m *Anders* Thorset, *Rudningen*, *Marie* 1923 g 1947 m kjøpmann *Sverre* Syversen, *Nesbyen* (dei har två gjenter og ein gut), *Syver* 1927 g m *Birgit* Marie Storeskar. - Knut bygde nye uthus og bustadhus på garden. Han bar den religiøse arven i ætta vidare og var mellom dei leiande i den religiøse verksemda. Han var ogso historisk interessert og let etter seg ein del uppteikningar som me har gjort noko bruk av her i boka (OR). *Ola* overtok garden i 1930 og vart sama året g m *Anne* O. Kyrkjebøn f 1908. Har dyrka upp mykje jord, vølt stølsbua og bygt nytt fjøs. Har vore skjønsmann og medlem av heradsstyret. Borna til *Ola* og Anne: *Margit* 1930 g m *Oskar* P. Fekene, *Ingerid* 1931-71, g m *Ola* O. Dokk, Knut 1935 bonde på Grøto, *Olaug* 1941 g m *Ole* Juven frå Gol, *Astrid* 1945-46, *Odd* *Arne* 1947 g 1970 m *Torill* Barsnes, Bergen (dei har 2 gutar). - *Ola* kjøpte ein skogteig i Torsetlien av S. H. Grøthe. Under krigen var han ei tid med i heimestyrkane. Knut står for styringa no, g 1966 m *Anne* T. Tuv. Born: *Ola* 1966, *Tor* 1968, *Odd* 1970. Har bygt nye bustadhus og uthus på nye tomter noko sør for dei gamle.

Grøto 63-3

Gnr 63, *bn.*, 3, *lnr* 607.

Grendenemning: *Sø på garde*
(etter utskiftingen).

Som nemnt under Grøto 63-1, var det Herbrand Sjugurdson 1770-1830-60 som fekk tildelt denne gardluten. Han vart i 1804 g m *Anne* Andresdtr Torset 1783-1861-78: *Sjugurd* 1814 d, *Gnnhild* 1816-17-1, *Sjugurd* 1818 d, *Sjugurd* 1820-96-76 bonde på Grøto, *Andres* 1824. *Sjugurd*, den einaste av ungane som levde upp, fekk garden, g 1840 m *Birgit* Torleivsdtr Ro d.e. frå Gol 1821-1902-81. *Sjugurd* var ein grei og endefram mann. Var ofte samen med *Sjugurd* Olson eller *Halvor* Ålstveit og heldt samlingar. *Sjugurd* Herbrandson var *Sjugurd* Uppistugun og den andre *Sjugurd* Nistugun. På den tid brukte dei fleste stivt postillespråk når dei tala på samlingane, men *Sjugurd* Herbrandson brukte heimemålet sitt (OR). Born: Herbrand 1848-89-41 bonde på Grøto, *Torleiv* 1852 bonde på Kyrkjebøn, *Andres* 1860-1936 ikkje normal, vart med bror sin til Kyrkjebøn og budde der til han fall ifrå. Herbrand fekk garden. Med i det kommunale styre og stell. G 1873 m *Birgit* Olsdtr Ålrust (52-1) 1856-1944: *Birgit* 1876 g m *Sjugurd* Ålstveit, *Margit* 1879 g m *Lars* Eikre, *Sjugurd* 1881-1973 bonde på Grøto, *Ola* 1885 handelskar, budde på nordre Fossheim (sjå der). - Då Herbrand fall frå, vart *Margit* g 2) m *Sjugurd* Olson Grøto 1864-1957. Dei hadde: *Anne* 1891-1938 g m *Jon* Intelhus. *Sjugurd* og *Margit* hadde garden frå 1890 til 1911, bygde so åt seg i nordre Grøtehaga (sjå der). *Sjugurd* Herbrandson overtok so garden, g 1911 m *Kari* nordre Hulbak 1880-1962. Han bygde nye bustadhus på garden og ei ny hytte på stølen og fløtte bua og fjøset der, dyrka ogso upp noko jord. Born: *Birgit* 1912 g 1942 m *Per* Brennhovd f 1911, driftsstyrar for Hemsedal kommunale Elektrisitetsforsyning frå 1946, *Margit* 1914 g 1952 m byggmeister *Konrad* Markegård (dei bur i Gol, har 2 gjenter), *Ingerid* 1916 g 1946 m inspektør *Jørgen* Edna i Tønsberg (har 3 gutar og ei jente), Herbrand 1918-46 sette livet til ved ei motorsykelulykke, *Anne* Marie 1921 misjonær i India samen med *Åse* Jørgensen frå Drammen, fyrste periode 1948-54, andre periode 1955-61, tredje periode frå 1962, *Signe* 1923 g 1954 m *Per* E. Langehaug på søre Fossheim. *Sjugurd* og *Kari* hadde garden frå 1911 til sonen Herbrand overtok han i 1945 Men då Herbrand fall frå, tok dei atter over gardsdrifta til i 1953 då eldste dottera *Birgit*, g m *Per* Brennhovd, overtok (dei skriv seg for Brennhovd). *Per* Brennhovd var med i heimestyrkane på slutten av krigen og har skarpskyttarmerke i sylv og gull. Ogso Herbrand var med i heimestyrkane. Borna til *Per* og *Birgit*: *Sigurd* 1943 bonde på Grøto, *Helene* 1947 g 1968 m *Tor*

Grimyr, Oslo (dei har ei gjente og ein gut), Magne 1953. Sonen Sigurd overtok garden i 1953. Har bygt fjøs og bu på stølen, modernisert bustadhusa og bygt inntil låven eit stort sauehus. G 1973 m Astrid Brinchmann Holmsen frå Oslo f 1945: Grethe 1974.

Nordre Grøtehagjin

Nyare bustad.

I (nordre) Grøtehaga bygde Sjugurd og Birgit Grøto åt seg då Sjugurd Herbrandson overtok søre Grøto i 1911. Sjugurd hadde omlag alle dei ombod og tillitsyrke som ein mann kan ha i heimbygda si: medlem av heradsstyret, ordførar 1911-16 (nekta attval då), forliksråd, lagrettemann, medhjelpar i mange år, med i styret for Hallingdal Folkemuseum m.m. Som ordførar var han godt likt både av høgre og venstre (det var ikkje andre parti den gongen i Hemsedal), han freista skifte sol og vind til båe sider som best han kunna. Det fall på han å stå for styret som ordførar under hundreårsjubileet i 1914 med dei mange festar og tiltak som då var. Den 17. mai gjekk det tog frå Sørbygda nordover til Trøym, og eit sykkeltog kom frå Tuv til Ullsåk, der det møtte eit tilsvarande tog frå Sørbygda og køyrde så samla til festen på Tingstugun, som byrja kl. 14. Kl. 18 var det messe i kyrkjun. På festen var saksførar Asle Børtnes frå Nes festtalar. Dei fleste i bygda hadde skaffa seg flagg til dagen. Ein *bautastein* til minne om krigsveteranane vart reist i Hemsedal som i mange andre bygder. Den bar innskrifta: «Reist til mine um dei hemsedøler som stridde for fedrelandet 1807-1814. Reist 17de mai 1914» og so namna på dei som var med. (Sjå «Hemsedal» s.148/157 flg.) Etter at steinen var reist, kunna Nils Vøllø fortelja at ein til var med: *Torgeir Tomasson Krokji* 1787-1858-71. I nemnda for reising av bautasteinen var desse med: lærar Lars Eikre, formann, ordførar Sjugurd Grøto (han skreiv seg Syver O. Grøthe), Ola T. Kyrkjebøen, Arne Finnset og Per Støyten. Utlegg til hogging osv. kom på kr. 230. Elles vart framføringa og reisinga m.m. utført som dugnadsarbeid. Norsk-amerikanarane vilde ogso vera med og sende kr. 158. Foto: side 255. Mange utfløtte hemsedøler frå Amerika kom til heimbygda for å vera med på høgtidsdagane: Ola Gunnvaldgarde, Mekkel Grøndale, Knut og Tor Fausketeigji, Ola Knutson Torset, Odd Tullehuso, Knut Ålstveit, Ola Brandvøl, Birgit Furuhaugo med huslyd og presten Ola Jordheim (etterpå). Ogso presten O. Skattebøl, som hadde vore prest i Gol og Hemsedal 1882-88, og som sjølv var halling (frå Ål), kom og var med. Festen for norsk-amerikanarane var den 4. juni (festnemnd: jordmor Gunvor Kyrkjebøn, Anne O. Kyrkjebøn, Sjugurd T. Kyrkjebøn og ordførar Sjugurd Grøto). På festen vart bautasteinen avduka. Knut Fausketeigji bar fram helsing på vegner av amerikanarane og ei pengegåve på kr. 7428 (seinare auka med kr. 300 frå Knut Fausketeigji). Gåva vart skipa som eit legat. Dessutan gav Halvor Ullsåk i Walcott ei gåve til orgel i Hemsedals kyrkje (teke i bruk nyårsdagen 1915, fyrste organist lærar Otto Sletten). samen med dei andre hallingdalskommunene var Hemsedal med og gav ein sylkjefane til «Hallinglaget» i Amerika. På festen var det ei lang rekkje taler, av ordføraren, lærarane, fleire av amerikanarane og andre. Ved sama høvet fekk Hans Flaten ein sylvbolle for arbeidet sitt med bygdeboken. - Om våren 1914 vart Hallingdal Folkemuseum på Nes opna. Dessutan vart det skipa til ei husflitutstilling for Hallingdal. Det fall ogso på Sjugurd å vera ordførar då fyrste verdskrigen braut ut 1/8-1914. Det skaffa mykje ekstra arbeid å ståfor styret då. Han fekk Kongens fortienstmedalje. - Sjugurd vart ein gamal mann, men heldt seg sprek endå til i høg alder, og var jamt å sjå etter vegane med sykkelen sin. Nordre Grøtehagjin høyrer no under Grøto 63-3.

Søre Grøtehagjin

Gnr 63, bnr 30. Nyare bustad.

Her i søre Grøtehaga bygde Per Båste eg budde ei tid før han fløtte åt Grohaugji. Bustaden vart då kjøpt av Jon Knutson Intelhus (sjå der) g m Anne Sjugurddtr Grøto. Dei hadde bruket til 1951 (skreiv seg Intelhus). Jon kjøpte langstøl på Blomesletto (mellom Eikre- og Ålruststølo) og bygde bu og fjøs der. På vestsida av Heimsil, ikkje langt frå garden Moen, fekk Jon ei myr av verfar sin, som han dyrka upp, like eins ei myr som han kjøpte av Svein øvre Løkji. Seinare har noverande eigar dyrka upp ei myr til som han kjøpte innåt på sama staden av Svein Skølt. Borna til Jon og Anne: Margit 1917 g 1946 m byggmeister Svein Storejorde f 1914, dei har garden no, Birgit 1922 g 1947 m meieristyrar Hans Svare, Nesbyen (dei har två gjenter).

Margit og Svein Storejorde overtok garden i 1951 (skriv seg Storejorde). Svein har vølt om bustadhusa og dyrka upp ein del på stølen. Birgit og Hans Svare fekk tomt og har bygt hytte på Blomesletto. Borna til Svein og Margit: Jon 1947 g 1970 m Gerd-Synnøve Martinsen frå Romedal (dei har ei gjente), Anne 1952 g 1973 m Petter Steen, Holmestrand.(Dei har ei gjente Camilla)

Grønåsen

Gnr 63, bnr 8, lnr 609. i Grønåse. Nedlagt bruk.

Dette bruket låg uppi åsen vestafør Heimsil og hørde inn under Grøte-valdet. Eigar no er Grøto 63-6. Her budde Einar Olson Engjo 1747-84-37. Han gifta seg tre gonger på fire år, som vel må vera rekord i Hemsedal: 1) 1775 m Anne Halvorsdr Løchen (Løkji eller Lykkja) 1747-76-29 barnlause. 2) 1777 m Sygni Arnesdr d i barnseng 1777. Må venteleg ha vore frå Finnset, for der fanst både Sygni og Arne-namnet i ein huslyd. Guten ho fekk, vart kalla: Arne 1777-78-1. 3) 1778 m enkje Guri Eivindsdr Skølt 1747-1810-63. Dei fekk två born: Sygni 1779 g 1798 m Embrik Olson Imre f 1763, bonde i Grønåse, Anne 1782 budde i Grønåse so seint som i 1801 (hadde dottera *Guri Helgesdr* 1810 d). Sygni og Embrik overtok bruket. Dei hadde borna: Ola 1799, Birgit 1802, Einar 1804, Margit 1807, Jørgen 1811. So kom Oddmund Olson Markegølo 1768-1847-79 g 1) 1796 m Birgit Toresdr, enkje etter Vilhjelms Grøndale. Dei fekk sonen: Vilhjelms 1798-99-1. Oddmund vart g 2) m Margit Monsdr Viljugrein f 1796. Dei hadde: Kari 1827 g m postførar Bjørn Ørpen i Krøssherad, Ingerid 1829-1908-79 g m Knut Olson Jegerhaugji, dei budde i Åse, Margit 1830 g 1844 m Sjugurd Anfinson Sletthaug f 1815, dei budde i Grønåse ei tid, seinare i Krøssherad. Ei av døtrane til Kari vart g m vegoppsynsmann Wessel og budde ei tid i Gol. *Sjugurd* Anfinson var postførar. Han og *Margit* fløtte til Krøssherad i 1852. I Hemsedal hadde dei borna: *Anfin* 1844 d, *Anfin* 1845-96-51 kyrkjesongar i Røyken, *Oddmund* 1848, *Birgit* 1851.

Nordre Grøto 63-6

Gnr 63, bnr 6, lnr 609.

Her budde ein Trond, d 1752, g m Margit. Dei hadde: Lukris 1696 g 1735 m Torleiv Anfinson Haug på Viljugrein (sjå Haug og Viljugrein 80, 44), Anne 1698 (-1742-44 g m Ola J. Imre), Halvor 1702. So budde her bygdelsmann Ola Hansson Grøto g m Birgit Olsdr Markegølo (d 1735 ca 56 år gamal, enkje etter Tore Larsson Grøto, som døydde 1705): Tore 1706, Hans 1708 bonde i søre Eikre. Vidare er nemnt Jakob Torleivson Grøto, d 1795, med borna: Trond g m Margit Jakobsdr, Torleiv 1727, Kari 1725, Anne g m Ola Olson bonde i Haga i Lykkjun (før ekteskapet hadde ho dottera: *Gunhild Knutsdr*). - I Flatens bok er det ein ombrytarfeil, so brukarrekkja er noko ustø her. Trond Jakobson Grøto d 1756 g 1746 m

Margit Bjørnsdr budde på Jordheim fyrst og kom so til Grøto: Embrik 1747-1802-55 bonde på Grøto, Jørgen 1748 d før 1756, Bjørn 1749 bonde i Døkken (sjå Snerte), Jakob 1753-54-1, Guri 1755 d før 1756, Jakob 1755 tviling (d som legdslem i Ålrust 1837, 82 år gamal). - Margit vart g 2) 1759 m Håkon Grøto. Dei budde i Huso i Eikre seinare (sjå der).

Sonen Embrik overtok garden g 1) m Birgit Olsdr d 1787 ca 42 år gamal: Margit 1777-1810-33 g m Ola Bjørnson Ullsåk, Trond 1780-1869-89 bonde på Grøto. (Før ekteskapet hadde Birgit: *Jehans Jehansson*). - Embrik vart g 2) 1787 m Margit Olsdr: Birgit 1789, Ola ca 1793 g 1820 m Jørond Knutsdr Ullsåk, Nils 1795 g 1824 m Anne Monsdr, dei budde på Løkji, barnlause. - Det var skifte etter Margit Embriksdr Ullsåk 1810 ved bygdelsmann Per Viljugrein. Enkjemannen fekk det halve av buet, broren Trond Grøto 17 rdl, halvbrøne Ola og Nils halvparten so mykje og halvsysrane halvparten av det att kvar. Trond fekk garden g ca 1806 m Jørond Knutsdr Imre 1784-1844-60: Embrik 1807-10-3, Knut 1810-73-63 bonde på Grøto, Birgit 1812, Embrik 1815 g 1848, bonde på Hølgjahaugji, Jehans 1818 g m Mari Hansdr Trøymshaugji, ukjend bustad, Tore 1821 bonde på Haugo ved Trøym, rtA, Marte 1825 g 1861 m enkjemann Ivar Stuvebakko i Gol, Kari 1827-49-22, Knut 1829 g 1860 m Kristi Olsdr Grøndale, budde i Espedøkken. Knut d.e. fekk garden, g 1) 1838 m Ragnhild Hansdr Trøym 1813-54-41: Jørond 1838-39-1, Trond 1840-58-18, Jørond 1842-1923-81 g m Ivar Ransedøkken i Gol, Hans 1845-1910 bonde på Grøto, Embrik 1847 skreddar, budde og døydde i Telemarken, Knut 1849-50-1, Gunvor 1852 d, Gunvor 1853 d, Gunvor 1854 g m Nils Torsethaga. - Knut vart g 2) 1859 m Liv Halvorsdr Ullsåk 1830-75-45: Ragnhild 1860 g m Knut Vente, Anne 1862 g 1887 m Ola Eiriksen Ålrust 52-5, Trond 1865 d, Birgit 1866 rtA, der ho døydde straks etter, Ingebjørg 1869 rtA og vart g m ein svenske i Fargo, Trond 1873 d, Halvor 1873 tviling d 1874. - Knut vart omtala som ein snill og velakta mann. Sonen Hans fekk garden, g 1871 m Guri Olsdr Eikre 1847-1921-74: Knut 1873-77-4, Ragnhild 1875 g m Endre Arneson Bringebærdale på Nes, Barbo 1876-77-1, Barbo 1878, Oline 1881, Knut 1882 rtA, skipet gikk under og Knut sette livet til, Birgit 1886, Anne 1888. I 1888 selde dei Grøto og kjøpte att Hippe i Valdres, derifrå kom dei seinare til Raunedøkken. Dermed gikk det ut med den gamle ætten på Grøto. Grøto vart kjøpt av Embrik Embrikson nordre Torset 1841-94-53 g 1887 m Kari Olsdr Snerte 1858-1952. Dei hadde: Anne 1886-1971 g m østen Blakkestad i Gol (hadde två gjenter), Embrik 1888-1955 bonde på Grøto, Ola 1890-1958 kjøpmann i Oslo g m Kirsti Nilsdr Gølberg frå Gol, d 1971, dotter etter Kirsti Markegølo (dei hadde två gjenter), Eline 1892 g m Narve Jordheim. - Etter at Embrik fall frå, vart Kari g 2) 1898 m enkjemann, kyrkjesongar Odd Sjugurdson Grøto 1846-1927, som ei tid hadde vore på Jordheim 64-3 (sjå der). Dei fekk sonen Engebret 1899, tannlækjar i Bergen, g 1927 m Guro E. Langehaug, søre Fossheim, f 1900 (dei har två gjenter). Odd (skreiv seg Aad S. Grøthe) hadde garden til 1916. Embrik (han skreiv seg Engebret) overtok garden i 1916, g 1918 m Mari Bjørnsdr Løkji. Han bygde uthusbygning og dyrka

upp mykje jord heime, og utvida stølsbua, forhusa og anna på stølen. Born: Kari 1920 g m Halvor Engene, Engebret 1922 har garden, Kirsti 1925 helsesyster f.t. på Hønefoss, Odd Bjørn 1928, kjøpmann i sandefjord, g m lærarinne Elbjørg Grønseth, Anne 1930 lærarinne g 1956 m seljar Alf Solbakken i sandefjord (born: *Alf Erik* og *Øyvind*). Engebret overtok garden 1945. Har bygt om uthusa og sett upp nye bustadhus. Garden har stølen sin på Sørehjalle, rett ned for Jonsstølo (i eldre tid var det ein støl litegrand lenger nord: Nørdrehjallen, han er nedlagt, men det er nyleg bygt ei hytte der). Utanom stølshusa har syskina til noverande eigar ei hytte der til eige bruk, men ho skal falle attende til garden. Dessutan bygde Ola, bror til føre eigar, hytte der, som ervingane no eig, og like eins har tannlækjar Engebret Grøthe hytte der. Engebret var med i heimestyrkane under krigen.

Nørdre Grøto 63-13

Gnr 63, bnr 13, inr 611.

Soldat Asle Pålson Hulbak 1757-1831-74 g 1787 m Anne Persdtr Ålrust d.e., enkje etter Tore Larsson Grøto f 1744 budde her. Dei hadde: Anne 1788-1875-87 g m Knut Ingvarson Jodøkk, Kari 1792-1860-68. - Hans Flaten seier at det var denne Kari som reiste til haugianarsentrummet i Bergen og vart g m kjøpmann Peder Odland (sjå «Hemsedal» s. 130/140). Men det er feil. Det stemmer ikkje med det Karen (Kari) Odland har fortalt om seg sjølv (i Hauges bok: «Religiøse Følelser og deres Værd» 1817) og dei opplysningane ein elles har. Det var Kari, dotter til Anne og *Tore* Grøto, som drog til Bergen og vart g m ein annan innfløtar til haugianarsentrummet, Peder Odland, i 1814. På Vestlandet tykte dei at Kari var eit stygt namn og bad henne ta den vestlandske forma Karen. Og ho so gjorde. Karen (1777-1860) Odland var ei framstående kvinne i haugianarsamfunnet, klok og skarptenkt. Den kjende professor Sig. V. Odland var soneson-hennar. (Sjå elles Heggteit: «Den norske Kirke i det 19de Aarhundrede» I s. 235 flg.) Anne g 1821 m Knut Jodøkk 1771-1865-94 fekk garden. Knut hadde før vore g m Margit Andresdtr Torset, men ho døydde straks etter giftarmålet. Han vart alltid kalla Jodökken. «Var nok en fremragende mann i bygden, da han har været omtalt like til nutiden. Jeg tenker han har været i lut og læte som Nils Jodøkk. Var snekker og forestod restaureringen av Hemsedals kirke ca 1800. Han var religiøs og ved oppbyggeser var han med predikantene å synge. Hadde god sangstemme, og når han og Sjugurd Grøto sang sammen, hørtes det svært vakkert ut, sa Peder Langehaug til mig» (HF). Borna til Knut og Anne: Margit 1822-1905-83 g m Øystein Ro i Gol, Kari 1823-1909-86 g m skulelærer Henrik Sletto, Asle 1825-69-44 bonde på Grøto, Anne 1828-56-28 ugift. Asle fekk garden g 1) 1856 m Birgit Trondsdr Grøto 1812-57-45 enkje etter Embrik Embrikson Reiarгарde, g 2) 1857 m Turid Sveinsdtr Hallbjørshus 1829-1911-82. Asle døydde tidleg, og Turid sat att med 5 mindreårige born. Langt om lenge selde ho Grøto og kjøpte att nørdre Myte (Huso): Knut 1858 bonde i Myte ei tid, Svein 1858 tviling, skomakar, bonde i Myte sistpå mor hans levde, Ingvar 1860-1906-46 emissær, Jon 1863 landhandlar og postopnar, budde på nørdre Bygdheim (sjå der), Anne 1869 rA, der g m Knut Follinglo frå Valdres. Anne døydde i barnseng og Knut vart g att m Bolette Endresdtr Eikre. (Sjå elles nørdre Myte.) Turid selde nørdre Grøto til Ola Nilsson Lykkjehaga d.e. 1846-1917-71 g 1885 m Birgit Sjugurdsdtr Purkestad f 1863 (sjå Haga). Ola selde att Grøto til Herbrand Olson Snerte 1867-1930, g 1901 m Margit Olsdtr Tuv 1880-1942, og han selde att garden til Ola, bror sin, 1875-1955, g 1905 m Kristine Olsdtr Brøta frå Gol. Men Herbrand og Margit tok undå nørdre luten av egedomen, som ligg nord for Grøteteigji, og bygde åt seg der: Nørdre Grøto 63-19, «nord i Haga» eller *Nordhagjin* dei kallar (sjå der). Før dei kjøpte Grøto, hadde Ola og Kristine butt ei tid på ein lut av Høltegard i Gol, kalla Sauebakkjin. Dei fløtte til Hemsedal 1915 og åtte Grøto til sonen overtok. Ola dyrka upp ein god del og bygde ei ny stugu. Ved sida av gardsbruket dreiv han med rosemaling like til sin død. Rundt om i Hemsedal finst det kister og annan husbunad og bruksting som han har mala. Han heldt den gamle rosemalarkunsta ved lag i ei tid då heller få hadde evne og dugleik i den lei. Det har - vil me tru - gjort sitt til at denne kunstgreina vil overleva i Hemsedal. Born: Eline 1906 g m Engebret Hallbjørshus, Guri d ung (i Gol), Guri 1911 g m Torleiv Smøttebråten i Gol (dei har två gjenter og ein gut), Ola 1913 har garden, Margit 1915 g m Ivar Hjelme, Olga 1920 g m Asbjørn Hornet. Ola overtok garden 1937, g sama året m Sissel Settingsgard frå Ål f 1912. Ola har dyrka upp ein del både heime og på stølen. Borna til Ola og Sissel: Olav 1937 g 1964 m Unni Antonsen frå Skorovatt i Nord-Trøndelag, har arbeidt ein del på anlegg, bil- og maskinkøyring (dei har två gjenter, har kjøpt hus i Asker og bur der), Kristine 1939 g 1967 m Per Embrikgård. Per og Kristine overtok garden. Dei har desse borna: Ragnhild 1970-71, Ola 1972.

Nørdre Grøto 63-19 G

nr 63, bnr 19. Nordhagjin «nord i Haga».

Herbrand og Margit Grøto 63-13 (sjå der) tok undå ein lut av garden nord for Grøteteigji og bygde her. Dei var barnlause. Då Herbrand faIl frå i 1930, fløtte Margit attende til Tuv, barndomsheimen sin, og

budde der til sin død 1942. Garden vart selt ved auksjon til Ola O. Fløgo 1872-1953. Han budde ikkje på garden, men på Hemsedal samvirkelag. Han var sagmeister på Ullsåksagen og so i lang tid mølnar på Hemsedal Mølle. Han forpakta garden til Halvor K. Mythe 1930-51. Då kjøpte Halvor garden. Halvor 1907 g 1930 m Margit A. Purkestad (no Sjøstad) f 1907. (Ola Fløgo, som var ugift, var farbror til Margit.) Halvor kjøpte attåt ei slåtte i Markegardslío, som Andres Intelhus hadde ått (var komen undå Markegølo). Halvor har nydyrka jord og vølt om stølshusa. Ved sida av gardsarbeidet var Halvor postbod på strekningen Posthuset-Båste 1942-51, då sonen Knut overtok ruta, som no er utvida til Eikre. Borna til Halvor og Margit: Tora 1931 g 1950 m Olav Eggestøl frå Borgund, som f.t. arbeider ved Hemsedal Meieri, Birgit 1932 g 1954 m ekspeditør Alf Li i Tønsberg (dei har ein gut og ei gjente), Knut 1935 g 1962 m Liv Borgny Løvehaugji f 1941, dei har garden, Arne 1938 Ft. mekanikar ved Drammens Armaturfabrikk, g 1964 m Aslaug Birkeflåta (dei har ei gjente). Knut overtok garden 1960. Har bygt nytt bustadhus. Knut og Liv har: Halgeir 1963, Oddvar 1965.

Grøteteigen

Gnr 63, bnr 12, inr 610. På Grøteteigji.

Her budde Tore Larsson d 1705, 44 år gamal og Birgit d 1735, 56 år gamal. Dei hadde: Anne 1693 d før 1705, Kari 1694 d før 1705, Lars 1697-1756-59 hadde garden, Liv 1699 g m Ola Bjørnson nedre Ullsåk, Ola 1701, Jakob 1704. Om dei hadde nokon før 1693, då kyrkjebøkene kom i bruk, veit ein ikkje. - Som enkje vart Birgit g att 1705 m Ola Hansson, dei budde på Grøto 63-6. Lars fekk garden, g 1) m Birgit Knutsdtr d 1742: Guro 1730 d ung, Barbo 1731-32-1, Barbo 1733 (g m Ola Gauteson Lykkjehaga), Knut 1735, Tore 1736-85-49 hadde garden, Knut 1737-1805-68 bonde i Grøv og på Torseteiga g 1779. - På skiftet etter Birgit 1743 blir det nemnt 5 kyr, 4 kviger, 1 kalv, 14 sauer, 7 geiter. Av borna hennar lever då berre Tore, Knut, Barbo og Guro. - Lars vart g 2) m Sigrid Ivarsdtr: Birgit 1746, Barbo 1749-1831-82 g m Anfin Anfinhaugji, Ivar 1752, Kari 1754. Tore fekk garden g 1763 m Anne Persdtr Ålrust d.e. f 1744: Birgit 1764, Barbo 1766 (g 1791 eller 1799), Lars 1768 fekk garden, Per 1771, Halvor 1774, han vaks upp, men bustaden er ukjend, Ola 1776, Kari 1777, Guro 1780 g 1) 1820 m Ola Ullsåk, 2) 1828 m Endre Plasse, Ola 1782. Han eller den andre Ola budde på Engjibakka i Gol. Lars fekk garden g 1796 m Kari Olsdtr Langehaug 1773-1854-81. Lars var ein uvanleg sterk kar. «Hans sønnesønn Lars Hjalle på Nes fortalte meg, at den Lars kunde ta lasset selv og dra det op til husene på Grøteteigen, når hestene ikke orket det»

(HF). Born: Anne 1797 g m Ola Ingvarson Grøndale budde ei tid i Skøltedøkken og reiste so til Amerika, Tore 1800 hadde Grøteteigen ei tid, men kom so til Hjalle på Nes, Ola 1802 bonde på nordre Ullsåk, Turid 1804 g m Ola Storejorde d.y., dei busette seg i Valdres, Lars 1808 bonde i Gronke (på hans tid var det fire gardar i Gronke), Kari 1815 g m Eirik søre Lykkjehaga. - Enkja Kari Olsdtr vart g att 1826 m enkjemann Aslak Knutson, og sama dagen, 22. oktober, vart Tore, son hennar, g m Sigrid Olsdtr Toregarde 1800-30-30, so det vart noko til dubbelt bryllup på Grøteteigji den dagen. Tore fekk garden. Han og Sigrid hadde: Ragnhild 1830 d. - Tore vart g 2) m Birgit Sveinsdtr Storejorde 1810-1904-94: Lars 1832-33-1, Lars 1836 bonde på Hjalle på Nes, Svein 1840-57-17, Gunvor 1843 g m ein mormon i Salt Lake City, Utah, USA, Sigrid 1847 budde på Urdo i Herad, Ragnhild 1852, døydde i Sandefjord. Då Tore var reist til Nes, kom Ola Ivarson Myte åt Grøteteigji, g 1830 m Birgit Jonsdtr Veslestøle (sjå søre Myte). Ola og Birgit fløtte til Brennhøvd i Gol då Kari, dotter deira 1831-65-34, vart g 1858 m Knut Asleson Torsetjorde 1837-1911-74, som då kjøpte Grøteteigen: Margit 1858 d, Asle 1861 bonde på Grøteteigji. Knut vart g 2) 1869 m Sissel Olsdtr Ålrust 1828-1913-85. Dei var barnlause. Like fram til over hundreårsskiftet var Grøteteigen ei vanleg kvilarstøtte for «nordmenna» (nordfjellingar) som for med handel i Hallingdalsbygdene. Då Bergensbanen kom, minka det av med denne ferdsla, det vart berre somme frå Borgund og Lærdal som for der på gjennomreise ender og då. Knut kjende omlag alle handels karar frå Sogn, Fjordane og Voss, som for i Hallingdal. Sonen Asle 1861-1949 fekk garden g 1888 m Anne Knutsdtr Torset 1859-1941: Knut d.e. 1889-1920-31 fekk garden, Knut d.y. 1892-1960 kjøpte garden 1928, Kari 1898-1900-2. Knut d.e. overtok garden og hadde han til sin død. G 1917 m Kari Halvorsdtr Løkji f 1895. I 1920 fekk han difteri og døydde etter berre tre dagars sjukdom. Bad far og mor ta seg av kona og dei två småe: Anne 1918 g 1954 m Ola Eiriksen Ålrust 52-5, Ingerid 1919 g m Olav Grøndalen i Grohaugji (sjå der), Kari hadde garden nokre år. Ho vart g 2) m Svein søre Hallbjørshus i 1925. I 1928 selde dei garden til Knut d.y. og fløtte til søre Hallbjørshus (sjå der). Knut d.y. vart g 1934 m Sigrid I. Grøv f 1915. Dei hadde garden til sonen overtok i 1959. Knut dyrka upp ein del jord og bygde nye uthus heime og fjøs på stølen. Son til Knut og Sigrid: Asle 1938 har garden g 1965 m Margit Jondalen frå Gol f 1930. Dei har ei gjente: Sigrid Anna 1966. Asle har bygt nytt bustadhus, nytt fjøs heime og på stølen.

Grøterud

Gnr 63, bnr 9. Nyare bustad.

Grøterud er kome undå Grøto 63-1, delvis frå 63-6 og ei myr frå 55-1. Noverande eigar skriv seg Grøtherud. Det var Ola Olson Ålrust 1869-1960 som bygde her. Han vart g 1) 1894 m Margit Rasmusdtr Eikre 1873-99 og budde nokre år i Medgarden, Eikre (sjå der). Bygde deretter på nordre Fossheim, og fekk seg so gardsbruk i Grøtegrenden og bygde der (den einaste bustaden nedafor vegen før ein kjem sørover til Grøtehaga). Han leigde nokre år stølen Raubekk i Baklien (ved Flyvatnet), ein heller lang stølsveg, men fekk so kjøpt stølen som høyrde Grobaugji til. Dreiv mest som fehandlar i yngre år, ogso eit par år som timmerhandlar, før han fekk seg gardsbruk. Vart g 2) 1902 m Gunvor Halvorsdtr Ålstveit 1878-1966. Dei hadde: Halvor 1906 bonde på Grøterud, Mari 1911 g ca 1930 m fabrikkarbeidar Søren Sørensen i Geithus (dei har 3 gutar og 4 gjenter), Liv 1914 g m Nils Engene, Olga 1918 g ca 1955 m banksjef Anders Hole i Ål, Olav g ca 1949 m Anne Kildal, Høybråten, han er kjøpmann i Oslo (dei har två gutar og två gjenter). Halvor overtok garden 1936 og vart g sama året m Margit A. Torset 1901-66. Dei hadde två gutar som baa døydde berre nokre dagar gamle. Halvor bygde nytt bustadhus og nye uthus, sette upp ei hytte påstølen og dyrka ein del upp der. Dessutan selde han ei hyttetomt på stølen sin til professor Mikkel Ødelien, som bygde seg hytte der. Ein tiårsbolk var Halvor postbod på strekningen Posthuset-Båste 1932-42. Han var medhjelpar for presten i mange år og har vore mellom dei leiande i det kristelege arbeidet. Han var med i krigen i Haugsbygda på Ringerike våren 1940 og var med i heimestyrkane i Hemsedal.

Kilo

Gnr 63, bnr 15, lnr 606.

i Kjilo eller Kjile-huso. Nedlagt bruk.

Dette bygselbruket låg «vesta åne». Har truleg hørt Ullsåk til frå fyrsten, men kom seinare under Grøto og vart ei tid nytta av søre Grøto som heimstøl (hauststøl). I nyare tid vart egedomen delt mellom Grøto 63-1 og 63-3. I kyrkjeboka står det: 1756 døde Aslak Kilenes barn, Aslak Øysteinson. Vart g m Barbo Knutsdtr, dei hadde tre born: Margit 1756 d, Margit 1761, Margit 1763. I Kyrkjestolen (kyrkjerekneskapen) er notert ein husmann *Ole Kille* 1777. Dette er alt ein veit om folka i Kilo.

Andre som budde på Grøto:

Sjugurd Larsson Grøto: dotter Birgit 1764. Ola Ivarson f 1758 (i Klype) g 1791 m Barbo Toresdtr Grøto: Else 1792, Guro 1798. Herbrand Toreson Grøto g m Margit Sjugurdsdtr: Jon 1797 d. Eirik Andresson Grøteeigo g 1825 m enkje Ingebjørg Toresdtr Grøteeigo.

Døde på Grøto: Sjugurd Grøtos mor 1696. Torgunn Grøto 1696. Margit Tomasdtr 1702. Gunvor Grøto 1705, 46 år. Liv Halvorsdtr 1740, 65 år. Birgit Grøto 1743, 40 år. Hans Larsson 1743. Andres Tomasson 1764. Kari Knutsdtr 1768, 45 år. Ola Halvorson 1773 d. I 1736 vart *konfirmasjonen* innført i Noreg. Dei fyrste som vart konfirmerte i Hemsedal, var desse: Ola Knutson Ullsåk 19 år, Nils Embrikson Løkji 20 år, Sjugurd Jonson Hallbjørshus 20 år, Tor Olson Snorsrud 19 år, Margit Knutsdtr Skølt 19 år, Anne Jakobsdtr Grøto 19 år, Margit Halvorsdtr Grøto 18 år, Sigrid Jakobsdtr Fausko 18 år, Barbo Jonsdtr Hallbjørshus 19 år, Barbo Knutsdtr Ullsåk 19 år. **Jordheimsgardane** ligg på ein langtøygd sate (terrasse) i lendet og utgjer ei grend for seg. Ovafor er det høge, bratte berg, nedafor vide myrstrekningar langsmed Heimsil, oppdyrka i nyare tid. Før det vart bygt elvevern, og dei store og vide Jordheims- og Grøtemyrane vart grøfta og oppdyrka, hadde ikkje bøndene i Grøte og Jordheimsgrenden store vidder å røre seg på, og avlingane vart skrale. Han sa det Ola Nilsson Grohaugji, som fløtte til Jordheim i 1838: «Då e hadde vøre her ei viku, sette e me fram i peisen te gråte. Stirde e upp ette, so va det berre bergji, o stirde e nete, so va det berre blaute myratn!» (Sjå «Hemsedal» s.27/36.) Men det forandra seg med dei nye dyrkings- og driftsmåtane som vart tekne i bruk etter hundreårsskiftet. Frå fyrsten var det kan hende berre ein gard som heitte Jordheim (uttala Joleim med tjukk l). So vart garden delt i två: *Store-Jordheim* og *Vesle-Jordheim*, som fekk kvart sitt matrikkel nummer. Frå desse två er dei so skilde ut dei andre Jordheimsgardane: frå Vesle-Jordheim tre, som alle heiter og skriv seg Jordheim (dessutan *Hølgjhaugen* på vestsida), og frå StoreJordheim fire (gamle grendenamn StoreJordheim, *Jorde*, *Nilssongarden* og *Nygard*) som alle blir skrivne Jordheim (og dessutan *Tørkjellhaugen* på vestsida). Nye bustader er *Solvang* og *Solstad*. - I gamal tid er ogso nemnt eit *Jordheimseigo*. Jordheimsgardane har stolar på Jordheimsstølo, som ligg inn under Skogshødn på sørsida, og på Nyset, stølane like sunnafor, før ein kjem til Hynda. Alle som har stolar innunder Skogshødn, har gjort krav på egedomsretten til helletaket (skifertaket) som var i drift i Skogshødn i eldre tid. No er det for lenge sea slutt, og Hemsedal har kjøpt skifer enten frå Valdres

eller Voss. Det var fin, mørkeblå skifer i Skogshødn. Den driftige valdresen Ola Fossheim hadde vilja kjøpt retten til dette helletaket i si tid, men det gikk ikkje. Ola Eivindson Fossheim (Føssei) var i sine unge år ein av dei sprekaste karane i Valdres, hoppa 7 alner på flat mark og spende 18 kvart (2,66 m) i hallingkast. På skeiser kunne han hoppe over eit høylæss om han vilde. Ein driftig mann på alle vis. Bygde Fossheim hotell og landhandleri, Fagernes hotell og landhandleri, dreiv eit stort helletak osv. Tok mykje del i det politiske livet, var ordførar, valmann osv. Men, som han så: «Når eit meniskji ikkje fær leva i 300 år, fær det ikkje utretta stort!» Sonen Ivar var med Fridtjof Nansen på den andre Fram-ferda (HF). I sameiga som høyrer Jordheimsstølane til, er det lagt ut eit stort hyttefelt på omlag 1000 dekar i skogen omkring Heimskar ved Storevatnet. Fullt utbygt skal det gje plass til omlag 100 hyttetomter. Det meste er alt gjort. *Imre* og dei bustadene som er matrikulerte under *Imre*, høyrer med til sama reppen som *Jordheim*. Frå gammalt av var det två *Imresgardar*, som venteleg låg tett ved kvarandre inn under *Imrestinden*. Etter utskifting laut so øvre *Imre* fløta nord ned og vart heitande *nørdre Imre*, og den andre vart kalla *søre Imre*. Namnet vart skriva *Imbre* eller *Embre*. Tidleg vart *Sletto* ned ved *Lina* skilt ut. Det er og nemnt eit seinare nedlagt bruk: *Imreseigo*. I nyare tid har ei heil rekkje bustader fått matrikelnummer samen med *Imre*: *Kirkerud*, *Stettemoen*, *Evang*, *Sommerro*, *Heimsil*, *Lidarende*, *Slettåker* og *Magnebu*. *Hemsedal Maskinlag* og det nye *heradshuset* har ogso fått tomt på det område som er matrikulert under *Imre*.

Jordheim 64-1

Gnr 64, bnr 1, lnr 612 a. På Vesle-Jordheim.

I skattematrikkelen for 1647 er det oppført ein halvgard *Jordheim* med *Niels Jollem* som eigar, og ein øydegard, eigar *Iffuer Jollemb*, som skattar til Nes prestebol og til *Hemsedals kyrkje*. I panteboka for *Ringerike* og *Hallingdal* nr. 1 folio 258 står det at presten *Peder Vaach* (prest for Nes, Gol og *Hemsedal* 1700-24) hadde bygsla burt for ein halv løbel av *Jordheim* til *Bjørn Helgeson* for 5 rdl. Denne *Bjørn* må vera han som døydde 1748, 73 år gamal, og som var g m ei *Margit Aslaksdtr* d 1705. Dei var barnlause. Det var mor til *Margit* som arva henne, ho heitte ogso *Margit*. *Bjørn* vart g 2) m ei *Olaug* (sjå *Hølgjehaugen* 64-2). Det var so mange som heitte *Knut* på *Jordheim* i gamal tid: *Knut Knutson Jordheim* g 1699 m *Ingebjørg Olsdtr*: *Anne* 1700, *Knut* 1702, *Ivar* 1705, *Ola* 1707, *Olaug* 1710 g 1731 m *Knut Person*. *Knut Olson* d 1755, 74 år gamal, g m *Ingerid Jordheim*. Etter kyrkjeboka og skiftebrev hadde dei: *Ola* 1718, *Rangdi* 1716, *Jørønd* 1718 g m *Torleiv Hansson Haugji*, *Knut* 1724, *Guri* 1726, *Dis* 1729, *Helge* 1736. - *Knut* og *Ingerid* skifter med borna sine 1746. *Knut Knutson Jordheim* (d 1783) har med fyrste kona si: *Halvor* 1749. G 2) 1753 m *Tydni Arnulvsdtr*: *Embrig* 1754 bonde i *Bekkjidale* d 1837, *Ingerid* 1756, *Sunnev* 1762, *Birgit* 1766, *Birgit* 1767, *Kari* 1771. *Knut Knutson Jordheimseigo*, d 1839, g m 1782 m *Barbo Sjugurdsdtr Hallbjørshus* 1755-1834-79, dei budde på *Tørkjellhaugji* og hadde: *Knut* 1790-1839-45, budde på *Grøvshaugji* (sjå der), det var han dei kalla «*Knurrn*», *Sigrid* 1792, *Sjugurd* 1795 g 1829 m *Gunhild Torsteinsdtr Ro-eigo* i *Gol*. Ein er ikkje sikker på kva for eit *Jordheimsbruk* alle dei ovafor nemnde budde på. *Birgit*, dotter til *Gudtorm Toreson* og *Sissel Torsdtr Eikre*, vart g m *Hans Helgeson Torset*. Mellom borna deira var gutane *Gudtorm* og *Helge*. *Helge* vart gardbrukar på *Vesle-Jordheim*, og *Gudtorm* var innadørs (tilhaldar) der. Dei kalla han *SkjegleGudtorm*, fordi han var vindøygd. Han levde 1764-1820-56 og vart i 1795 g m *Margit Vilhjeldsdtr Langehaug* 1773-1848-75. Den 4. desember 1820 drukna han i *Flyun* på tur til *Valdres*. - *Helge* 1761-1833-72 vart g 1) m ei enkje *Kari Knutsdtr* (ein veit ikkje kvar ho var ifrå), g 2) m enkje *Ingerid Knutsdtr Brandvøl*. Dei var visstnok barnlause. - *Gudtorm* og *Margit* hadde: *Hans* 1796 bonde på *Jordheim* og i *Grohaugji* og reiste so til *Valdres*, *Birgit* 1798 g 1819 m *Halvor Bjørnson Brenn* i *Gol*, *Vil hjelm* 1801-78-77 bonde i *Skarshaugo*, *Rangdi* 1804 g m *Per Vestafør* i *Gol*, *Helge* 1806-10-4, *Torleiv* 1808-99-91 skulemeister i *Nordbygden*, *rtA*, *Rangdi* 1812 g på *Hadeland*. *Hans* fekk *Jordheim* av *Helge*, farbror sin, men fløtte seinare åt *Grohaugji*. *Birgit*, syster til *Hans*, vart g m *Halvor Brenn*, og *Hans* vart g m syster til *Halvor*. *Torleiv*, skulemeisteren, budde i *Haugo* ved *Trøym* og i *Hallsteinshuso* før han *rtA*.

Då *Hans* fløtte åt *Grohaugji*, kom *Ola Nilsson Grohaugji* til *Jordheim* med huslyden sin (sjå *Grohaug*). *Nils* d.y. 1833-8753 fekk garden (ca 1858), g 1858 m *Oline Knutsdtr Todøkk* på *Imre* f 1835. *Nils* var ein av godkarane i bygden, var før og sprek som far sin. Born: *Ragnhild* 1859-94-35 (med dotter: *Birgit Olsdtr* 1877 d), *Ola* 1860-1923-63, *Knut* 1863-85-22 gymnasiast, *Per* 1868 d, *Per* 1866 *rtA* 1889 og slo seg ned som handelsmann der, *Ola* 1869 *rtA* og vart prest, g 1899 m *Dorthea Dahle*, *Mari* 1871 *rtA*, g m *Vilhjelm Halvorson Intelhusbakko*, *Barbo* 1873, *Nils* 1874-1959, *Knut* 1876, *Torleiv* 1878-79-1. - *Todøkk*-ungane var vakre folk. *Ragnhild* vart i si tid rekna for å vera den vakraste gjenta i *Hemsedal*. Ho vart g 1880 m *Ola Sveinson Nilssongarde*, dei *rtA*, og der døydde ho av tæring. *Knut*, bror hennar, døydde ogso av tæring etter å ha studert nokre år ved *Universitetet*. Dei «blømde for feigden», som det heiter. *Faren* døydde ogso av tæring. Denne sjukdomen tok mange i eldre tid. - Då *Oline* vart enkje, selde ho garden til *Ola Olson Ullsåk* og *rt A*. *Nils* *rtA* i 1893, men var heim att ein tur

vinteren 1901-02 og vart då kjend med Sissel Olsdtr Myklebust i Gol. Ho vart med over, og dei vart gifte i 1902. Dei slo seg ned i Walcott, N. Dakota og fekk seg farm der. Nils var med og skipa «Hallinglaget» der over og var viseformann i 20 år. Sissel d 1942, dei hadde 8 born. (Biografi med bilete av Nils i «Hallingen» juni 1958.) Ola Ullsåk 1865-1960 vart g 1891 m Guri Rese 1857-1909-52. Han vart gjerne kalla «Ullsåken på Jordheim». Han bygde i si tid stugu og eit større bustadhus og uthus heime og stølsbu på stølen. Han var ein religiøs mann, og dette draget har følgt etterkomarane hans. Han gav husrom åt det årlege sokalla Jordheimsstevnet som vart ein tradisjon der på garden til det ut i 1960-åra vart fløtt til Bedehuset. Born: Ola 1895 bonde på Jordheim, Anne 1898-1926, Liv 1901 g m Olav Mykleset frå Gol. Ola overtok garden 1924, g sama året m Anne A. Viljugrein f 1897. Han har drivi jorda godt og dyrka upp ein god del, bygde ei hytte heime og utvida stølsbua på stølen. Born: Ola 1925 bonde på Jordheim, Arne 1927 g 1956 m Astrid Foss frå øystre Slidre (dei har ei gjente og ein gut: *Anne Marit 1957, Håkon 1959-74, Guri 1929* arbeider på Telefonsentralen i Ål, sea på Evjens Minne. Anna 1931 g 1962 m Arne Johansen i Fredrikstad Born: Sigbjørn 1963, Harald 1966. Astrid 1933 g 1960 m Ole Jørgen Strømmen i Valdres Born: *Randi 1962, Anne Jorun 1967, Bodil 1970*. Marie 1936 g 1959 m Dag Asbjørn Johnson i Oslo Born: *Torgeir 1961, Ole Ragnar 1963, Andreas 1968*. Per 1938 gikk på Oslo lærarskule, g 1964 m Ragni Solveig Hjorthaug frå Knapstad f 1942 Born: Solveig 1965, Anne 1966, Ola 1968, Gudrun 1971. Alf Odd 1942, har gått teknisk skule, g 1968 m Grete Lindberg, Oslo, f 1944 Born: Kjetil 1969, Odd Erik 1971, Lars Petter 1976. Ola overtok garden 1955, g 1954 m Kari E. Ullsåk f 1926. Har nydyrka ein del jord, bygd uthus, vølt om stølsbua og bygt nytt fjøs der og bygt nytt bustadhus heime. Syskina hans har bygt seg hytte på stølen. Borna til Ola og Kari: Oddmund 1955, Erik 1957. Garden har langstølen sin på Jordheimsstølo, men skal i eldre tid ogso hatt støl i Lægret nordafor Kvannegrøo (som då vart kalla Jordheimslægret).

Jordheim 64-3

Gnr 64, bnr 3, lnr 613 a.

Her budde Ola Torleivson Jorde (Jordheim 65-1), f 1811 g 1836 m Ingebjørg Ivarsdtr Rudningen f 1810. Hadde ein son: Torleiv 1842. Dei fløtte til Valdres, og bror til Ola, Per Torleivson 1828-1907-79 fekk garden, g 1862 m Anne Olsdtr Grøvargarde f 1832: Birgit 1863, Ragnhild 1864, Sunnev 1869, Oline 1872 d, Oline 1873. Dei selde Jordheim og fløtte til Valdres, fyrst til Berge, so til Raunedøkken. Garden vart kjøpt av Odd Sjugurdson Grøto 1846-1927, «*Klukkarn*» dei kalla. Han byrja som klokkar 18. september 1872 eg var det i noko over halvt hundre år (ogso nokre år etter at han slutta som lærar). Han, hadde ei kraftig og vakker songrøyst. «For så mange hemsedøler sang han ved deres dåp, ved deres konfirmation, ved deres bryllup, ved deres kirkegang og ved deres - grav» (HF). samen med presten underviste han konfirmantane: «*Klukkarn*» hadde oss i bibelhistorie, og presten tok for seg «*Forklaringa*». Ved sida av å vera lærar og klokkar, hadde han gardsbruk i 51 år, fyrst på Jordheim og sea på Grøto 63-6 (OR). Han bygde ogso båtar og likte å fiske. Han fekk ein hastig burtgang. Ein søndag utpå sommaren 1927 hadde han vore på Lykkje-messun. Folk syntest at han der song kraftigare enn nokon gong før. Han budde på Sørehjalle. Då kona om kvelden kom inn att, hadde mjølka, låg han død på golvet. I gravferda var det mykje folk, endå det var midt i slåtten (OR). Odd var g 1) m Sunnev Knutsdtr Tødøkk på Imre 1845-96-51, dotter til gamle klokkaren. Ho døydde av tæring. Dei hadde: Barbo 1871-1900 (med två born: *Oline Persdtr 1888 d, Ola Olson 1891-1973 rtA*), Ingerid 1872 g m Oskar Olausen på Modum, rtA, Sjugurd 1874 g m Karoline Fausko rtA, Mari 1877 g m Andres Olson Løkji rtA, Oline 1880 rtA, der ho døydde straks etter (hadde sonen: *Olav Ingvarson 1898*, kontorist i Oslo), Karoline 1882 g 1904 m Peder Oskar Krona frå Modum, dei budde ei tid på Nygard 65-9 (sjå der), Knut 1885 rtA, Ola 1888 d. - Ola, son til Barbo, reiste som nemnt til Amerika. Der slo han seg ned i Los Angeles på vestkysten, starta eit bakeri som vart eit av dei største i sitt slag, noko av eit økonomisk eventyr (omtala i Aftenposten 6-7-57 og biografi i «Hallingen» sept. 1958). Odd vart g 2) 1898 m enkje Kari Grøto og fløtte dit (sjå Grøto 63-6). Barbo overtok garden g 1896 m Knut Hulbak 1862-1946. Ved uskiftning laut Knut fløta gardstunet lenger sør og ned, der husa ligg skøllent og fint til. Knut, som gikk under kjenningsnamnet «*Hulbaken på Jordheim*», var uvanleg flink til å dyrke jorda og fekk diplom for det 1921. Knut og Barbo hadde sonen: Ola 1896, bonde på Jordheim. Barbo fall burt, og Knut gifta seg 2) 1903 m Birgit Larsdtr Imre d.e. 1865-1939. Dei hadde: Lars 1906-64 ugift. Ola overtok garden 1922, g sama året m Margit S. Kyrkjebøn f 1892. Dei hadde eigedomen til verson deira overtok i 1954. Ola nydyrka ein del jord, bygde nytt fjøs og vølte om uthusa heime. På stølen tok eit snørås alle husa i 1936. Her bygde han upp att fjøs, stølsbu og två hytter. Ola var formann i likningsnemnda i mange år. Borna til Ola og Margit: Barbo 1923 g 1952 m Halvor K. Thorset f 1918 har garden, Ingebjørg 1924 g m Hans Flaten (sjå Solvang 64-8), Birgit 1926 g 1953 m hamnebetjent Bård Moltu i Oslo, Karoline 1928 g 1953 m tekniskar Bjarne Brenna i Oslo (dei har ein gut: *Ove*), Solveig 1932 g 1955 m personalsekretær i Norsk Hydro Odd Falkenberg frå Oslo (dei bur på Notodden, har ein gut og ei gjente: *Erik og Marianne*). Barbo og Halvor overtok garden i 1954.

Halvor eig og brukar ogso ein del av skogen og jorda til Skar 61-1. På Jordheim har han bygt nye bustadhus. Var ei tid styrar for Hemsedal Mølle, som ligg like ved. Før han kom til Jordheim, var han i fleire år sagmeister ved Hemsedal Andelssag. Har hatt kommunale tillitsyrke og vore medlem av heradsstyret. Under krigen var han med i heimestyrykane. Born: Kjell Ole 1956, Magne 1958.

Solvang 64-8

Gnr 64, bnr 8. Nyare bustad.

Denne bustaden er komen undå Jordheim 64-3 og ligg nærmast nørde Grøto 63-19 (Nordhagjin). Her var det Embrik og Ingebjørg Venåsbakko budde til sin død. Embrik 1861-1946 var ifrå Anfinhaugji, og han og Ingebjørg 1858-1947 hadde butt i Venåsbakko ei tid før dei kom til den nye bustaden sin kring 1918. Dei bygde stugu og uthus på bruket sitt, og Embrik sysla attåt som urmakar og vølte elles på ymse ting. Då dei fall frå, vart husa rivne og bruket kom inn att under Jordheim 64-3. So kjøpte *Hans Flaten* eignedomen, skilt ut som matr. nr. 64-8, og bygde nye bustadhus der. Hans I. Flaten f 1930 vart g 1958 m Ingebjørg O. Jordheim f 1924. Han er fjøskontrollør i Hemsedal. Borna til Hans og Ingebjørg: Idar 1959, Mai Britt 1961, Lars Ove 1964. Lars K. Jordheim 64-3 budde sistpå i andre høgda på Solvang. Han arbeidde i mange år på Hemsedal Andelssag.

Jordheim 64-4

Gnr 64, bnr 4, lnr 613 b.

Her budde Torstein Torleivson Jorde (Jordheim 65-1) 1809-41-32. Ugift. Mest omtala for sin kleptomani (sjukleg lyst til å stela). Det gikk mange historier om det. Ein gong han hadde vore ved kyrkja, gikk han innom på Store-Jordheim. Ingen var inne. Kona Gunvor var i fjøset og stelte. Det sto ei kjøtgryte på peisen og kokte. Torstein knabba med seg eit kjøtstykke. Då han gikk att, møtte han Gunvor ute i svala. Ho sag at det rauk or brokelomma hans, og då ho kom inn, vart ho vare at det vanta eit kjøtstykke i gryta, men ho gjorde ikkje meir vesen av det. Eingong tok han ein del kaker frå Birgit Jorde, stykkmor si, tulla dei inn i eit fyreklede og reiste med alt i hop. Ein annan gong tok han eit reip frå far sin, det var surra fast på ein slede, og Torstein knabba det der. Bakken på Nilssongarde la merke til at det minka so på veden hans. Han var noko av ein luring, bara høl i nokre vedkubbar og fylte atti med krut. I kveldesetun stelte han seg uttafor glaset der Torstein budde, sto og såg på korleis Torstein la eit dugeleg eldsmæle på peisen, sette ein krakk på langs framma peisen og la seg godt til rette der for å nyte peisvarmen. Rett som det var, kom det farande ein kubbe framover golvet med smell og brak so gneistane sto. Torstein skvatt opp og klådde seg i hovudet. Kva var no dette for belebaus Han kasta kubben på peisen att, men låg der og skotra om det skulde koma meir. Og det gjorde det! Torstein sto opp, fløtte på krakken og sette seg i heksete til å nistire på peisen. Men då gikk Bakken, han hadde sett nok. - Den 9. mai 1841 var Torstein ved kyrkja (stavkyrkja). Uppfør kyrkjebøn er det, eller var i alle fall, nokre heim stolar og ovafor der att bratte berg. Nokre geiter hadde kome seg burti ei skørr og vart ståande fast der. Torstein var kjend for å vera vågal. Han fekk seg eit par drammar og drog opp over for å berge geitene, endå han var halt. Han laut gjera eit dugeleg byks for å koma burt i ei skørr, men ramla utfor og slo seg i hel. Kyrkjealmugen hadde stade og sett på det. Ein flokk drog oppover, la Torstein på ein sloe og kom dragande med han ned til Kyrkjebøn. Då dei drog nedover ein bratt åker, ropte dei til kyrkjefolket: «No koma me med o Halte-Tøsstein!»

Like før dette bar til, hadde Torstein selt Jordheim til Tor Jonson Veslestøle 1806-85-79 g 1828 m Margit Ivarsdr Nilssongarde 1801-64-63. Då dei fløtte til Jordheim, hadde Torstein læst stugudøra og gøymt seg. Grohaugen fann han til slutt og truga han til å leta opp. - Tor var ein flink snikker og slede makar og smed attåt. Tor og Margit hadde: Kari 1840-1914 g 1885 m Knut Brøto (før ekteskapet sonen: *Tor* Knutson ca 1870), Margit ca 1842 g m Knut Skrukkun på Nes, dei budde på Sletternoe, Ivar 1844-1924-80 bonde på Jordheim og i Skølt, Birgit 1847 g m Per Vikahaugji i Valdres, dei budde i Vikadøkken, Svein 1850 rta der han straks etter døydde, Jon 1852 d ca 1900 g m Margit Fiskum, bonde på Follinglo i Valdres. Margit og Knut hadde i Hemsedal: *Sjugurd* 1859 d. - Jon og Margit hadde i Hemsedal: *Tor* 1866. Ivar fekk garden g 1869 m Kari Torleivsdtr Skølt d.y. 1851-1924-73. I 1881 fløtte dei til Skølt (sjå der) og selde Jordheim til Ola Larsson Kyrkjebøn d.y. 1845-1915-70 g 1876 m Ingerid Olsdr Trøym 1854-1923-69. Ola var ein lesle kar, alltid i godlag, lett ha med å gjera. Dreiv ein del sauehandel ei tid, var so styrar for Hemsedals Forbruksforening. Sea dreiv han noko smørhandel. Han overlet Jordheim til son sin og budde deretter på Hølgjahaugji: Lars 1876-1928 vart gift uttafor (hadde ein gut: *Birger*), Ola 1878 bonde på Jordheim og so i Grøv, Knut 1880-82-2, Margit 1883ca 1958, ugift, budde i Oslo, Sigrid 1881 g m Andres K. Hødn, Knut 1885-1917-32 hadde Hølgjahaugen, Barbo 1887 g uttafor m August Evang, døydde tidleg, Ola 1889 handelsmann i Oslo (vart gift og hadde tre gutar), Birgit 1891-ca 1954 sydame i Oslo, ugift, Thorleif 1893-1974 var i Amerika i 10 år (ei tid med i fyrste verdskrigen, men kom ikkje i kamp), kom att frå Amerika 1924 og

overtok garden, Knut 1896 bonde i Hølgjiaugji (sjå der). Ola d.e. fekk garden g 1905 m Margit Grøv f 1879. Dei hadde: Ingerid 1905, Ola 1907, Rangdi 1908, Sigrid 1911, Margit 1913. I 1924 selde dei Jordheim til Thorleif og kjøpte att Grøv 56-3 (sjå der). Thorleif overtok Jordheim, nydyrka ein del jord, fløtte loftet og bygde både uthus og bustadhus, og på stølen vølte han om stølsbua og bygde fjøs m.m.

Hølgjiaugen

Gnr 64, bnr 2, lnr 612 b.

På Hølgjiaugji.

Ogso kalla Jordheimshaugen.

Dette bruket ligg vesta åne og vart vanlegvis kalla Jordheimshaugen i eldre tid. I kyrkjebøkene vart dei som budde der, gjerne oppførde under Jordheim.

På Vesle-Jordheim budde Bjørn Helgeson g 1) 1703 m Margit Nilsdtr, 2) Olaug Olsdtr. Bjørn og fleire bønder på Jordheim og Svein Imre hadde bygt eit kvednahus (kvernhus) i eit støe i Trøymån som hadde vore brukt av Eirik Haug. Han hadde fått lov til det av Odd Kyrkjebøn. Likeso hadde dei nytta dei dammane som Eirik Haug hadde bygt. Eirik reiste søksmal mot dei for dette. saka var fyre på tinget på Grimsgard, Nes, 26. september 1709. Fleire vitne kunne minnast at uppsitarane på Haug i lang tid hadde fått male der for billig leige, og at Eirik Haug var den fyrste som hadde fått lov å byggje kvednahus, det huset som dei innstemnde hadde rivi ned og so bygt nytt hus. Heller ikkje hadde Imre og Jordheim fått lov til å byggje hus der. Domen gikk ut på at Jordheim og Imre skulde fjerne det kvednahuset dei hadde bygt og betala Eirik Haug 2 rdl i sakskostnader. (Det kan nemnast her at det fanst mange sokalla bekkjikvedni rundt omkring i bygden i eldre tid. Alle som hadde ein bekk ikkje altfor langt undå, sette upp kvedn - kan hende både med og utan lov av dei som åtte grunnen. OR.) Bjørn og Olaug hadde: Ola 1708, Helge 1710-50-40 bonde på Jordheim, Margit 1712 g 1746 m Trond Jordheim. Helge overtok garden g m Rangdi Oddmundsdtr Grøndale f 1708, dei hadde: Bjørn 1734-1811-77 bonde på Jordheim, Anne 1736, Oddmund 1718, Hans 1718, Embrik 1745 d, Embrik 1747 g m Sigrid Gautesdtr frå Lykkjun, Olaug 1751. Bjørn overtok eigedomen, g 1) m Sunnev Halvorsdtr, enkje etter Hans Knutson Jordheim, 2) m enkje Margit Hansdtr. Born er ikkje nemnde. Etter kyrkjebøkene døydde det ein Bjørn Jordheim i 1810, 60 år gamal, og ein Bjørn Helgeson Jordheim i 1811, 77 år gamal. Men i folketeljinga 1801 er berre nemnd Bjørn Helgeson (då 64 år). (Det kan godt være den samme. Slike feil er ofte begått i eldre ministerialbøker» RF.) I 1750 nemner kyrkjeboka ein Helge og Barbo Jordheim med dotter: Olaug 1750 (kan hende Barbo er feilskrivning for Rangdi). Oddmund Helgeson vart i 1754 g m Gunhild Arnesdtr. Dei hadde sonen: Helge 1755. Helge Jordheim vart i 1775 g m Ingerid Olsdtr Imre, d 1834. Dei hadde: Rangdi 1776, Rangdi 1779-1825-46 husmanns kone (men når gift?), Margit 1782, Margit 1786-1852-66 g m Ola Ingvarson Øndredal, Gunhild 1789, Guri 1795, Oddmund 1798. Margit og Ola Ingvarson hadde: Ingvar 1817, Jørgen 1822. So er det ein Ola Helgeson Jordheim g 1) 1819 m Anne Olsdtr Døkk ved Finnset f 1785 (eller 1789), g 2) 1822 m Margit Ivarsdtr 1797-1894-97. Dei hadde: Anne 1823, Helge 1825 g m ei Gunhild Olsdtr frå Gol, rtA, Ivar 1826 emissær, bonde på Smelhus i Etnedalen, Ola 1828, Ingerid 1832-1905 g m Nils Eikrehaga rtA, Jon 1838. Om det fyrste paret i denne rekkja som her er nemnd - Bjørn og Olaug - veit ein at dei budde på *Vesle-Jord heim*. Og om det siste paret - Ola og Margit - veit ein at dei budde i *Hølgjiaugji* ei tid. Helge og Ingerid budde ogso der, og det kan godt vera at bruket fekk namnet Hølgjiaugen etter denne Helge (i målføret Hølgji), før kalla Jordheimshaugen. Mellomlekkane er skrivne for Jordheim, men dei kan like godt ha butt på Hølgjiaugji, som also var frådelt Jordheim. Ola og Margit kom sistpå dei levde, til bruket *Vidden* i Gol. Der døydde Ola. Etter at han fall ifrå, kom Margit til Ingerid, dotter si, i Eikrehaga. Og då Ingerid og Nils drog til Amerika, vart Margit buande i Høgehaugji i Eikre til sin død. Småkårsfolk fekk ofte ein omskifteleg livsgang. - *Ivar Smelhus* var bibelbod for Lutherstiftelsen 1871-86 og reiste mykje i Hallingdal. «I Hemsedal var han siste gang ca 1886. Han holdt også da en oppbyggelse hos sin søster i Eikrehaga» (HF). Han døydde hjå dotter si på Odnes 1917. (Sjå meir om Ivar Smelhus i Rudvin: Indremisjonsselskapets historie I s. 475.) Oddmund Helgeson g m Margit Olsdtr Ullsåk vart so bonde på Hølgjiaugji. Dei hadde: Helge 1835, Borghild 1838, Ola 1843. Dernest kom skreddar Embrik Trondson Grøto f 1815 g 1848 m Ingerid Hansdtr Trøym f 1821: Gunvor 1844, Trond 1849 bonde på Skjerpingen i Valdres, Jørønd 1851-ca 1896-45 (med dotter: *Sigrid* Sjugurdsdtr 1883 d ung), Ragnhild 1854-1924-70 g 1879 m Asle Bakka i Gol, døydde på gamleheimen der, Hans 1856 d, Hans 1857, Birgit 1860 d, Birgit 1864. - Før ekteskapet hadde Ragnhild ein son: *Ola* med ein sogning, Ola Bårdson Bakke frå Borgund. Han kom til Nordbygden i Hemsedal for å tene. Vart alltid kalla «Drivarn». Ein svær revkjeft (vyrdlaus i talen, flåkjefta). *Jeg* husker mange episoder. I bryllupet til Peder Sletten i Lio 1869 kom det en fremmed fant. Sa han var smed. Drivarn sa til ham: «Vil du smie me ein stakji» - «Har du smiu,» spurde fanten. Ja, e har nøk smiu, der ser du tøppen tån,» sa Drivarn, peikte på berget Røggjin» (HF). Drivarn rtA og

døydde i Walcott kring 1915. I 1880 kjøpte Embrik og Ingerid garden Skjerpingen i Valdres og fløtte dit. Hølgjahaugen sto då øyde nokre år til Ola Larsson Jordheim frå Kyrkjebøn (sjå Jordheim 64-4) kjøpte eigedomen. Han hadde två søner som bae heitte Knut. Knut d.e. 1885-1917 hadde garden nokre år til han fall frå. Då overtok Knut d.y. f 1896 eigedomen og hadde han til han ved tvangsauksjon 1928 vart kjøpt av Ola P. Imre d.y. Knut slo seg ned i Drammen og vart gift der 1926. Ola Imre 1878-1965 vart g 1917 m Margit O. Jordheim (Nilssongard) f 1887 hadde tillitsyrke i kommunen. Ola og Margit fekk sonen: Per 1918. Per g 1959 m Margit O. Lien frå Gol f 1940 overtok garden i 1950: Ole Magne 1959, Oddbjørn 1963. Har bygt nytt bustadhus. Kyrkjjetenar frå 1971. På vestsida av Heimsil, men på austsida av Torsetåsen, låg ogso *Tørkjellhaugen*, *Skurvedøkkji* og *Reiardøkkji* som venteleg må vera komne undå Jordheim. Dei er no omtala under Torset.

Jordheim 65-1 (Jorde)

Gnr 65, bnr i, lnr 614. Skriv seg Jordheim.

På ein av dei nørdre Jordheims-gardane budde ekteparet Ola Nilsson og Dis Embriksdtr. Ola døydde 1726, 90 år gamal. I skiftet, som vart halde på Markegølo 12-2-1728, er det nemnt fire born: Knut, Ola, Sigrid og Gudbjørg g m Oddmund Tomasson. I buet er det ikkje nemnt krøter, men mellom lausøyret ei fiskehytte, som syner at dei dreiv fiske. Eldste sonen, Knut, la fram eit skøyte av 1. mai 1651 der Gudleik (Tomasson) Jordheim, Inger(id) Knutsdtr, Sunnev Halvorsdtr, Guri Halvorsdtr Haug, Levor Hulbak og Gunvor Halvorsdtr avstår og seier frå seg all rett dei kunna ha til eller i dei 10 løbel garden Jordheim var taksert for, og det til Nils Olson Jordheim, som sjøl dertil var odelsmann. Den fyrste kyrkjeboka nemner, var Knut Toreson Jordheim, d 1762. Han var g m Anne Halvorsdtr: Hans 1724-65-49 bonde på Jordheim, Guri 1726, Tore 1730-1810-80 g 1762 m enkje Kristi Jonsdtr, Halvor 1733 d, Halvor 1734 g 1771 m Anne Helgesdtr (1775 bur dei på ein Jordheims plass, hadde borna: *Knut 1772*, *Knut 1777*, *Sunnev 1785*), Ragnhild 1735, Agot 1741. Hans vart g 1749 m Sunnev Halvorsdtr Løkji 1726-1808-82. Dei hadde: Anne 1749 g 1770 m Jon Tomasson Heggjdale, busette seg på Kongsberg, Barbo 1751-1839-88 g m Ingvar Sletten, Lio (før ekteskapet hadde ho dottera: *Margit Nilsdtr 1776-1862-86* g m Ola Asleson Løvehaugji), Margit 1753 d ung, Agot 1756-87-31 g 1781 m Torstein Gudtormsen Eikrehaga, Knut ca 1758 d hjå Guro, dotter si, på Groset 1853, Margit 1764 g m Kristoffer Kristensen, bonde på Berge i Borgund. Knut vart bonde på Jordheim g m ei Kari Eiriksdtr, d 1809 ca 43 år gamal. Dei hadde: Hans 1787 bonde på Jordheim og fleire stader, Eirik 1789 d, Eirik 1791-1841-50 bonde på Vesle-Jordheim, Guro 1795-1866-71 g 1835 m Trond Groset, Bjørn 1797-1801-4, Tore 1799, Bjørn 1804, Sunnev 1807. - Eirik på Vesle-Jordheim vart g 1818 m *Guri Ingvarsdtr Grøndale 1795-1882-87*. Guri måtte vel ha butt i eit eldhus ei tid, for dei kalla henne Eldhus-Guri, og sonen Ingvar, som budde innadørs på Ullsåk i ei liten stugu hjå Ingvar Knutson, syskinbarnet sitt, vart kalla Eldhus-Ingvar. Guri var sistpå burtkjøpt hjå Knut Myte og døydde der. Borna til Eirik og Guri: *Knut 1819-91-72* ugift, budde som tilhaldar på Hustad, *Kari 1821-57-36* ugift, døydde på Kyrkjebøn, *Ingvar 1823-1912-89* ugift, budde på Ullsåk, *Kari 1825-68-43* ugift, Ola 1829 heldt lenge til i Rundtupp, men reiste so til Amerika, *Svein 1832*, *Sigrid 1834*, ho følgde Eivind Hulbak til Amerika, men Eivind døydde straks, og Sigrid vart g m Svein Olson Ålstveit Hans fekk garden g 1) 1811 m Barbo Olsdtr Markegølo 1791-1813-22, som døydde i barnseng, dotter: Barbo 1813 d. Hans vart g 2) 1815 m Barbo Knutsdtr Intelhus, syskinbarn til fyrste kona, f 1795: Barbo 1818-79-61, vart g 1840 og budde på Hallbjørshus, Anne 1822-1903-81 g 1855 m Lars Vente, Knut 1828 g 1860 m Margit Torleivsdtr Haugo ved Trøym, dei rtA, Kari 1829 g m Halvor Toreson Rusto d.e. rtA. - Hans og Barbo budde på Jordheim ei tid, sea på Hallbjørshus og andre stader. Han vart difor kalla «Hans allestan». - Margit som Knut vart g m i 1860, var dotter til skulemeister Torleiv Gudtormson. So kom Torleiv Embrikson Gunnvaldgarde 1774-1851-77 g 1) m Olaug Persdtr Grøv 1778-1820-42 til Jordheim, dei hadde før vore i nørdre Lykkjehaga. Torleiv vart g 2) 1824 m Birgit Olsdtr Kyrkjebøn 1790-1873-83. Birgit døydde brått. Gikk uppe. La seg burt på senga og sa at ho fekk so vondt i hovudet. Døydde med det sama. (Sjå nørdre Lykkjehaga.) - *Ola Jonson Imre* g m *Sunnev Torleivsdtr Jorde* synest å ha butt der ei stund, venteleg som tilhaldarar. Embrik 1803-85-82, son til Torleiv og Olaug, g 1836 m Ingebjørg Sveinsdtr Ålrust 1809-76-67 kom so til å styre på Jorde: Olaug 1838-1921-83 g m Ola Odds-on Hallbjørshus, Torleiv 1839-1926 bonde i Gunnvaldgarde, Svein 1841 bonde i søre Skølt, Birgit 1844 g m Einar Intelhus, Ola 1846 rtA 1878 der han døydde straks etter, Per 1848 rtA, d ca 1890, Ingerid 1851 rtA, kom heim att og vart buande på Intelhus, døydde i Skøltebakka 1928, Endre 1854, g 1898 m Kirsti R. Eikre, busette seg i Drammen. Embrik makeskifta gard med verbror sin, Narve Svein son Ålrust 1827-95-68, g 1854 m Kari Larsdtr Markegølo 1834-86-52. Dei hadde butt på Gunnvaldgarde og kom no til Jorde. Barnlause. Ved Narves gravferd vart det brukt krans for fyrste gong i Hemsedal. - I 1879 sel dei Jorde til Svein Olson Ålrust d.y., brorson til Narve, 1847-1934. Narve vart g 2) m enkje Sebjørg Aslesdtr Hesla. Ho var frå Torset, døydde i Hesla 1908. Svein vart g 1879 m Gunhild Persdtr Grøv 1852-1909-57. Dei hadde: Ola og Per tvilingar, døydde straks, Margit

1882 g m Knut Grøto, Margit 1884-1912, Kari 1886 g m lærar Lars Eikre (sjå Intelhusbakko), Birgit 1888 g m Ola Knutson Intelhus, Narve 1889-1948 bonde på Jorde, Oline 1889 tviling, g m Andres T. Viljugrein, Sigrid 1891 d, Gunhild 1891 tviling, g m Ola Nilssongarde, Ola 1892 var ei tid i Amerika, kom heim att og vart g m Margit S. Kyrkjebøn og vart bonde der (sjå 69-1), Sigrid 1895 d. - «Disse folk fikk altså 3 par tvillinger. Svein kommunemann og skjønsmann. Og en sjelden ordensmann i sitt hus. Da barna vokste til, ordnet han det så, at hver av dem hadde sin bestemte gjerning å gjøre, og lediggang var forbudt. Det var en prisverdig oppdragelse. Tid er penger, og den tid, som går, kommer aldrig igjen» (HF).

Narve fekk garden, g 1914 m Eline Embriksdtr Grøto 1892-1972. Han nydyrka ein del jord, bygde bustadhus heime (1938) og ei hytte på stølen. Var med i kommunestyret, doms- og skjønnsmann. Då krigen slutta, vart han utnemnd til fyrebels ordførar 1945 og var det til valet om hausten. Borna til Narve og Eline: Svein 1915 bonde på Jorde, Gunhild 1917 g m Eivind Thorset, Engebret 1920-66, disponent og eigar av «Diamant Pels» i Oslo, g 1948 m Randi Isaksen frå Eidsvoll (born: ein gut og ei jente), Odd Karl 1924 overlækjar ved Drammen sjukehus g 1953 m Berit Østreng frå Oslo (har tre jenter og ein gut, ei jente er død), Olav 1930 d. Svein overtok garden 1945, g 1954 m Liv E. Engjo f 1931. Har nydyrka ein del jord både heime og på stølen, bygde uthus heime (1947) og bu, fjøs og ei hytte på stølen. Svein var visstnok den fyrste i Hemsedal som kjøpte ei kvige av NRF-rasen og har no full buskap av denne rasen, ein av dei beste i bygda. Borna til Svein og Liv: Elin 1954, Ingrid 1956, Nora 1959, Reidun 1965. Svein var med i heimestyrkane under krigen. Bygde nytt bustadhus 1973. Ved avslutta utskifting på vestsida av Heimsil fekk ogso Jorde tildelt sin del vedrørande skog, beite og slått.

Jordheim 65-3 (Nilssongarden)

Gnr 65, bnr 3, lnr 615.

i Nilssongarde. Skriv seg Jordheim.

Den ætta som sit på Jordheim 65-3 no, tek til med Ivar Sveinson Hallbjørshus g 1791 m Margit Olsdtr Skar 1765-1830-65. Denne Ivaren og Halvor bror hans på Løkji var skuldig ein «nordmann» (vestlending) 300 dalar kvar. Dei sende pengane med ein handelskar. Han «tok dei åv», nekta å ha teke imot pengar, og dei laut ut med summen ein gong til, vart det sagt. Borna til Ivar og Margit: Birgit 1791-92-1 f og d i Skar, Birgit 1792-1817-25 g 1817 m Halvor Svang i Gol, d sama året, Birgit 1794-1866-72 fekk garden, g m Ola Intelhusbakko, Barbo 1798 g 1837 m ein *Ola*, «Purkeguten» dei kalla (dei hadde sonen: *Ivar* 1832, før ekteskapet hadde Barbo dottera: *Birgit* Håvelsdtr 1827-48-21, som enkje reiste Barbo til Amerika), Margit 1801-56-55 g 1831 m Torstein Reiarson i Lykkjun, Kari 1804 g 1828 m Lars Vipe, Svein 1807-09-2, Margit 1809 g 1828 m Tor Jordheim. Den 11. des. 1828 sto det dubbelbryllup på Jordheim, Kari og Margit d.y. vart gift sama dagen. Birgit d.y. fekk garden g ca 1824 m Ola Intelhusbakko. Han var ein av dei få spelemennene som Hemsedal har fostra. Ein mann med eit lyst og lett sinn. Dei har ei herme etter han: E når dei vel att, sa Bakkeguten, han gikk fyr! I eit lag vart ei kjæring drukken og kviskra då til Bakkji (dei kalla han Bakken): «E ha vilja hatt de, e!» «Enn at du ikkje skulde ha gatt, då,» svara Bakken. Borna til Ola og Birgit: Svein 1825-68-43 bonde på Nilssongarde, Margit 1827 rtA, Guri 1829 g 1857 m Embrik Fiskum, Gunvor 1829-33-4 tviling, Barbo 1831 rtA, Ola 1833 skreddar på Øyråker i Valdres, Ivar 1837 bonde på Riste i Valdres g m Øli Ingvarsdtr Grøv, Andres 1839-1916-77 g m Ingerid Torleivsdtr Kyrkjebøn, busett i Lier (dei budde fyrst på Jordheim og hadde borna: *Ola* 1873, *Torleiv* 1876, *Birgit* 1879). - Ola vart g 2) 1871 - han var då 73 år - m Barbo Olsdtr Venåse 1805-98-93, enkje etter Hans Reiarsetten. Ho var då 66 år. Svein fekk garden g 1854 m Anne Gudleiksdtr Vøllø 1831-1923-92: Ola 1856 hadde garden ei tid, var so i Amerika, men kom heimatt og vart til slutt buande på Solheim, Torset (sjå der), Tomas 1859 d, Birgit 1863-1955 fekk garden. - Anne vart g att 1870 m Endre Endreson Hesla. Dei hadde: *Svein* 1870, *Endre* 1872-73-1, *Endre* 1874. Endre og Anne rtA, og Ola Sveinson fekk garden g 1880 m Ragnhild Nilsdtr Jordheim f 1859: Svein 1880-82-2, Svein 1880 tviling, Nils 1884, Anne 1886, Knut 1889. Ola og Ragnhild rtA, der døydde Ragnhild, og Ola kom heim att (sjå Solheim). Birgit Sveinsdtr, syster til Ola, g 1886 m Ola Olson Trøym 1859-1937, overtok so garden: Margit 1887 g 1917 m Ola Person Imre d.y., Anne 1889 g uttafør 1910 m ein Andres Martinsen, Ola 1891 bonde på Nilssongarde, Karoline 1893 var ei tid tilsett på Gamleheimen på Nes, g 1927 m Knut Botolfsletten på Nes, Svein 1895 skreddar g 1921 m Alfild Johansen (sjå Solstad 65-13,14), Knut 1897 g 1928 m Sigrid Langehaug, kjøtforretning i Lillestrøm, Olav 1900-67 g 1920 m Anne Olsdtr søre Grøndal (ekteskapet oppløyst, og Olav vart g att), Birgit 1903-16-13 dydde av skarlakensfeber, Endre 1905 var fyrst g m Ellen Strømberg, ho døydde, og Endre vart g att m ei frå Odalen, bur i Lillestrøm, Ingebjørg 1908 g 1937 m Torleif Engene, dei bur på Moss (sjå Jorde ved Engjo). Ola overtok garden 1916 g sama året m Gunhild S. Jordheim 1891-1970. Har nydyrka ein god del jord, bygde bustadhus heime og bu på stølen. Born: Ola 1917-75 bonde på Nilssongarde, Svein 1918-19, Birgit 1919 g 1946 m Alf Bjørnstad,

Hønefoss (dei har två gitar), Svein 1920 g ca 1951 m Helga Strand frå Drangedal, f.t. gartnar i Lier (har ei jente og två gitar), Olav 1922 g 1949 m Astrid Glomsrud i Gol, driv Ødegårdene Handelslag i Gol og har gardsbruk ved sida (dei har två jenter og tre gitar), Gunhild 1924 utlærd sjukesyster og jordmor, g 1955 m misjonsprest Jakob Ullestad frå Årdal i Ryfylke, reiste ut til Cameroun i Afrika 1955 og var der i två arbeidsperiodar for Det norske Misjonsselskap, dei kom so heim for godt og Jakob fekk prestekall i Moi, Sørlandet (har 7 born), Peder 1925 g 1949 m Ellen Birkelund frå Jessheim, driv som elektrikar i Oslo (dei har ein gut og ei jente), Alfred 1927 g 1951 m Barbro E. Hallbjørshus f 1927, har eigen kolonial-, musikk- og bokhandel i Gol (har tre gitar og ei jente), Margit 1929 g 1954 m Thorleif Berget i Gol, driv eigen verkstad i Gol (ein gut og två jenter), Anne Marie 1931 ca 1956 g melektrikar Trygve Tufteland frå Stord, bur i Oslo (två gitar og ei jente), Bjarne 1934 g 1969 m Grethe Gandrud frå Flå, driftsstyrar ved Flå Elektrisitetsverk (ei jente). Ola overtok garden 1947 og vart sama året g m Birgit K. Torset f 1925. Han nydyrka nokso mykje jord, bygde nye uthus heime og fjøs m.m. på stølen (her er ogso bygt ei hytte til syskina hans og selt ei hyttetomt til Odd Tvedt, Oslo). Var ein av dei fyrste som kjøpte inn av NRF-rasen. Ola var med i det kommunale livet i bygda, med i heimestyrkane og tok ivrig del i den religiøse verksemda, barne- og ungdomsarbeidet og elles dei ymse greiner av misjonsarbeidet. Var ein av dei få i bygden som spela fele, han som oldefar sin. Borna til Ola og Birgit: Oddvar 1948, har no overteke garden, Gunnhild 1950 g 1971 m Wiggo Hansteensen frå Drammen, bur på Kløfta (har ei jente og ein gut), Sebjørg 1953, Kjellaug 1959. Ved avslutta utskifting på vestsida av Heimsil har ogso denne garden fått tildelt ein del skog, beite og slått.

Store-Jordheim

Gnr 65, bnr 8, lnr 618 a.

Vanleg skrivemåte: Jordheim. Noverande eigar brukar ættenamnet: Intelhus.

«Jeg setter op et slektsregister for nogle generationer av Ivar'er på Jordheim, så som jeg *antar* det kan være. Men da ministerialboken mangler for Boyesentiden (1713-23) og ellers er mangelfull, blir det nok ikke helt pålidelig» (HF). I 1718 døyrr Henrik Halvorson StoreJordheim, som var g m Ragnhild Ivarsdr. Dei hadde sonen Ivar, då 2 år. I skiftet er det nemnt m.a. 6 nautskrytyr, 5 sauer, 12 geiter. Kyrkjeboka nemner ein Ivar Jordheim (d 1697) som hadde ein son Ivar, f 1698, etter at faren var død. Denne Ivar må ha hatt ein son Henrik, for det er seinare nemnt ein Jørgen Henrikson Jordheim og ein Ivar Henrikson Jordheim, som truleg var brør. Jørgen Henrikson Jordheim hadde ein son: Henrik 1739. Og har Henrikson Jordheim, d 1760, 36 år gamal, var g m Kirsti Jonsdr Hallbjørshus f 1710. Då Ivar fall burt, vart ho g 2) m Tore Knutson. Ivar og Kirsti hadde: Henrik ca 1735-1803-68 (g m Birgit Halvorsdr Løkji d.y. dei hadde: *Rangdi* 1761, *Ivar* 1763), Rangdi 1741 d før 1760, Rangdi 1743 d før 1760, Jon 1745 g 1770 m Kari Persdr Ålrust, Ragnhild 1748-1803-55 g 1773 m Odd Kyrkjebøn, Halvor 1750 d før 1760. Jon Jordheim g 1770 m Kari Persdr Ålrust d.y. 1751-1802-51 hadde desse borna: Ivar 1771, Kirsti 1773, Barbo 1774-1857-83 g 1) 1810 og 2) 1829 budde på Imre, Ivar 1777-1839-62 bonde på Store-Jordheim og sea i Venåse, Rangdi 1779 d, Per 1781 d, Per 1783, Rangdi 1786, Ola 1788-1860-72 bonde på Imre og fleire stader, Henrik 1791-1852-61 bonde i Venåse og på Sletthaug. Ivar Store-Jordheim vart g m Kari Larsdr, d 1853 kring 80 år gamal. Han vart kalla Søvar-Ivar, for han sovna av rett som det var. Han kunna sita og prata, og før ein visste ordet av det, sat han der og sov. Born: Jon 1812 g 1854 m Kari Tomasdr Slåttestøle, Kari 1815 d, Lars 1816, Kari 1819, Per 1821, Margit 1823, Ola 1830. Jon gikk med kråm «utmed sjøkante dvs. på Vestlande. Og han tente der og la seg upp noko pengar. Kjøpte so garden Rye i Valdres for 900 dalar. Hadde betalt innpå 600 dalar. Men han trivdest ikkje der. «E fekk ikkje søva der.» sa han. Og so drog han sin kos utan å få att det han hadde lagt ut. (Den mannen på Rye som hadde selt garden til Jon, selde han att til Ingvar Nilsson som budde på Toregarde i Lykkjun). Jon og Kari kom til slutt til *Gjerdun* i Gol. Dei hadde m.a. ein son som heitte Ivar, han var skreddar, g m Anne Olsdr Olsgard og budde der ei tid, han døydde av tæring som medalders mann. Oline, syster til Ivar, var av dei fyrste som kom til Gol Gamleheim då han vart ferdig i 1921. - Oline Gjerdun var den siste som gikk og bad seg i Hemsedal. Kan minnast at ho av og til om somrane kom til Nørelid og heldt til eit par jamdøger hjå kvar stølskjæring. Det må ha vore i åra kring 1905. Ein annan som for og bad seg, var Finnesgardjuven, dei kalla. Han var ifrå Juven, ein plass under Finnesgard, og budde på dette husmannsbruket noko lenge, men han var fødd og oppvaksen på Hagaeigo i Herad i Gol. Han for helst om vinteren og då nede i bygda. I kring 35 år budde han på Gol Gamleheim og døydde der i 1961 over 100 år gamal. Desse två var dei einaste eg kan minnast, som heldt uppe den gamle skikken å livnære seg på, som var so vanleg i gamal tid (OR). Til Store-Jordheim kom so kring 1830 Einar Oddson Kyrkjebøn f 1784, g 1812 m odelsjente Gunvor Endresdr Venåse 1794-1843-49. Dei hadde før vore i Venåse: Endre 1814 d, f i Venåse, Velgjerd 1816-1907-91 g m Andres Intelhus, Endre 1820 bonde på Store-Jordheim, Odd 1822 bonde på den utskilde gardluten Nygard (sjå der), Ragnhild 1827-1918-91 g m Nils Ullsåk, Ingvar 1830 rta og var den fyrste hemsedøl som kom heim att, Ragne 1833 g m Svein Grøndale, budde på

Egge i Valdres, Margit 1836-1915-79 g m Asle Torset, Oline 1842-43-1. - Einar delte garden slik at Endre fekk hovudbølet *Store-Jordheim* kalla, og Odd fekk den nye gardparten, som fekk namnet *Nygard*. Endre vart i 1852 g m Ragnhild Torleivsdtr Jorde (Jordheim) f 1832: Einar 1853 bonde på Rebne i Valdres og sea på Fugleim under Fossheim, Gunvor 1854, Birgit 1856, Oline 1859, Torleiv 1861, Odd 1863. Då Endre var ung, gav han seg mykje i prat med Birgit Olsdtr Vesle-Jordheim, dotter til Grohaugen, seinare gift til Myte. Ho trudde det bar mot ekteskap. Men så kom han til å like betre Ingebjørg Toresdtr Markegøla, som seinare vart gift til Eikre. Endre og Ingebjørg vart forlikte om å gifte seg, og han kom for å hente heimafølet. Men dagen då Ingebjørg skulde fløta, vart Birgit reint frå seg, låg til sengs som sjuk og snakka berre om Ingebjørg, kva ho hadde som heimaføl og at no var lassa ferdige og no reiste dei og no var dei komne dit og dit. Og då ferda var komen so langt at dei kunna sjå det frå Jordheim, stemde det akkurat med det Birgit sa, endå ho låg til sengs og ingenting kunne sjå. Då ferda var komen til Store-Jordheim, sto Birgit upp. - sama dagen skulde Olaug Jorde fløta til Nygard, og Olaug tok ut straks etter at Ingebjørg var komen til gards. Birgit og dei andre sto inne på låven hjå Tor Jordheim og glana då Olaug tok ut. Birgit fall i uvet, og alle som var med, kom på gråten då dei sag kor ille Birgit lei. - Endre og Ingebjørg gifta seg ikkje straks. Og det står att å fortelja at då det lei om ei tid, vart Endre lei Ingebjørg med. Og ein vakker sommarmorgon køyrde han både Ingebjørg og heimafølet hennar sørover att til Markegølo. Tor Jordheim var komen tidleg ut for å slå og fekk sjå at dei drog sørover. - Endre vart seinare g m Ragnhild Jorde, syster til Olaug. Dei selde Store-Jordheim til Lars Olson Vesle-Jordheim. Lars Vesle-Jordheim 1837-1908-71 vart g 1867 m Birgit Olsdtr Ålrust 1844-1930: Ragnhild 1867-1939 fekk garden, g m Ola Aslakson Bakke 1866-1958, Guri 1871 g 1913 m Ola Trondson Brandvøl, Oline 1874-95-21, Ola 1876-77-1, Ingebjørg 1878 g 1906 m Karl Kristoffersen i Skoger, dei var barnlause, Ola 1881 hadde garden eit år, Olav 1884-1954 ugift, dreiv ein del med handel, Birgit 1886 busette seg som sydame i Drammen, Nils 1889 d. Ola Larsson fekk fyrst garden, g 1901 m Kari Aslaksdtr Bakke. Etter eit års tid reiste dei til Amerika, men Kari kom heim att med dei två borna deira og døydde av tæring 1913. Ola vart gift att 1919 m Ingerid Ingvarsdtr Prestgardhuso og drog over til Amerika, der han døydde for ein del år sea. Ola og Kari hadde borna Lars og Birgit. Lars rta, men kom snart heim att, vart gift og opna forretning i Drammen (dei har ein gut og ei gjente, *Birgit*, som vart g m gardbrukar Arne Dingstad i Kråkstad - dei har 2 gjenter). Ragnhild og Ola Bakke g 1893 budde fyrst på nedre Bakke nokre år, men overtok so Jordheim ca 1903. Dei hadde: Sigrid 1893 g 1916 m Jon Ivarson Brennhøvd på Torset, Aslak 1894 d, Aslak 1896-1975 bonde på Store-Jordheim, Lars 1902 d, Birgit 1906-07-1, Lars tviling d, Birgit 1912 g m Knut S. Tuv. Aslak overtok garden, g 1922 m Barbo Olsdtr Haugen ved Trøym 1890-1957. Han dyrka upp ein del jord, bygde uthus heime og fjøs og stølsbu på stølen. Born: Ragnhild 1923 g 1949 m Knut o.. Intelhus f 1911, Ingrid 1925 helsesyster og jordmor, g 1964 m Åsmund Haugstad, Ringebu (dei har ei gjente), Birgit 1927, utdana som sjukesyster, g 1959 m Magne Fagerli, Fjellhamar (dei har 2 gjenter). Då Ragnhild og Knut gifta seg, fløtte Ragnhild til Intelhus 57-1, og dei hadde denne garden til 1953. Då selde dei Intelhus og overtok Jordheim. Her har Knut bygt nye hus nede ved riksvegen og fløtt tunet dit. Borna til Knut og Ragnhild: Berit Oddbjørg 1950, Bjørg 1953, Aslak 1955. Aslak overtok garden 1975. Han nyttar Jordheim som slektsnamn.

Nygard

Gnr 65, bnr 9, lnr 618 b. På Nygard.

Som nemnt under Store-Jordheim, vart garden delt mellom brørne Endre og Odd, som vart g m kvar si syster, Ragnhild og Olaug Jorde. Odd f 1822 vart bureisar på nordre lutten, som vart heitande Nygard. I eldre tid skreiv dei seg visstnok Jordheim, dei og, men i nyare tid (frå 1910) kom namnet Nygard i bruk, og blir no vanleg nytta både i skrift og tale. Odd f 1822 vart i 1849 g m Olaug Torleivsdtr Jorde f 1825. Dei kom seinare til å kjøpe Vik i Vestre Slidre. Dei hadde: Einar 1850 g 1879 m Kristi Olsdtr Trøym, bonde på Vik, Torleiv 1857-58-1, Torleiv 1859 g m Kristi, enkje etter Einar, bonde på Vik, Gunvor 1865. - *Einar*, sonen til Torleiv og Kristi døydde på Trøym 1881. Odd selde Nygard til syskinbarnet sitt, Odd Mekkelson Skøyte f 1818, g 1850 m Rangdi Sjugurdsdtr Nyhus f 1817. Men dei vart ikkje verande lenge på Nygard. Dei selde eignedomen til Trond Olson Øndredal 1834-1900-66 og kjøpte att Kvarve i Rukkedale. Trond g 1864 m Kari Sveinsdtr Løkji 1833-1903-70 hadde: Ola 1863-1952 bonde på Nygard, Margit 1865 g m Mekkel Teigji, Svein 1867-ca 1950, rta og vart g der m Ingebjørg O. Hallbjørshus (dei hadde fire gutar), Guro 1869-1915-46 g 1901 m Hans Olson Skøyte i Lien, Ola 1872 d, Ola 1875-1911-36 g 1908 m Rangdi Sjugurdsdtr Kyrkjebøn (sjå Granheim 6732), Endre 1878-1940 g m Birgit Fausketeigji d.y., dei rta (hadde 6 eller 7 born). Ola d.y. var fehandlar g 1908 m Rangdi Kyrkjebøn f 1886. Ola døydde av tæring berre tre år etter bryllupet. Han var ein vakker kar, men «blømde før feigden», som dei seier om unge, vakre folk som går tidleg burt. «Det er som man ser farvespillet i aftenstunden. Det glimrer så underlig vent, og så bleikner og brister alt. Det er livets forkrenkelighet. Det står gru av graven, selv om det er et paradys bak den. Ola måtte reise fra barn

og viv, og hun sto att med sorgen og sagnaden. De to elsket meget, og sorgen blev derefter» (HF). Dei hadde ein son: Trond 1909. (Sjå elles Granheim 67-32.) Ola d.e. fekk garden g 1892 m Anne Eivindsdtr Høvdæe 1867-1938. Han nydyrka ein god del jord på garden. Borna til Ola og Anne: Kari 1893 g 1920 m Andres Intelhus, Trond 1895 bonde på Nygard, Anne 1897-1938 g 1922 m Ola Trondson Øndredal, Margit 1900-02, Margit 1903 g 1933 m Ola B. Løken, Eivind 1905 g ca 1934 m Gurine H. Løken f 1907, har lenge drivi eige gartneri i Asker (har ei gjente: *Anne Marie* 1935), Ingerid 1909-72 g ca 1941 m Ola O. Storejorde f 1904, han er byggmeister og driv gartneri og hønseri i Asker (har ein gut: *Ove Magne*). Trond overtok garden 1930, g 1933 m Guro E. Thorset f 1908. Trond har nydyrka ein del jord, serleg på stølen, og bygde uthus og bustadhus heime. Skjønsmann. Born: Anne Grethe 1934 g 1959 m gartnar Arne Holum frå Borre ved Horten (har två gutar som lever), Ola 1936 bonde på Nygard, Gunhild 1938 utlærd Raudekross-syster. Ola overtok garden 1961 og har vølt om og fornya bustadhusa heime og har bygt hytter til utleige. Nygard har langstøl på Nysset. I eldre tid hadde dei stølsrett i Jordheimslægret, no fråseld. *Peder Oskar Krona* f 1881 på Modum g 1904 (i Amerika) m *Karoline O. Grøto* f 1882, dotter til kyrkjiesongar O. Grøthe (sjå Jordheim 64-3) budde ei tid på Nygard med dei var heim att frå Amerika (Karoline har i alt vore heim att i Hemsedal 6 gonger). Dei budde fyrst i Minnesota, men kom seinare til San Francisco, der dei har hus og heim. Dei har två gutar som lever, er gifte og bur i san Francisco.

Solstad

Gnr 65, bnr 13 (og delvis 14). Ny bustad.

Solstad ligg utmed elva, rett ut for Jordheimsgardane. Her rudd og bygde Svein Nilssongard Jordheim bustad åt seg og fløtte hit i 1929 (bustadhus 1929, uthus 1932). Hadde kjøpt jord og tomt av Ola, bror sin. Har nydyrka omlag 10 dekar hitafor elva og omlag like mykje som han kjøpte or ei sameige burtafor Heimsil. Ved utskifting ca 1962 måtte han gje frå seg att den oppdyrka myra og fekk annan jord att i staden. Svein valde skreddaryrket som sin leveveg, og i tidbolken 1922 til 1955 var han omlag den einaste som dreiv skreddaryrket i større mun i Hemsedal, og det synte seg å vera omlag nok arbeid for ein heilårsskreddar til då. Sea vart det mindre, og han syr no mest berre om vintrane. Svein f 1895 vart i 1921 g m Alvhilde Johansen (1896-1949) frå Hobøl i Østfold. Born: Birgit 1921, Emma Jenny 1923 g m Erik Roteigen frå Gol, bur no i Hemsedal, Ole Arnt 1924 bilmekanikar i Oslo, g 1) 1949 (hadde ein gut og ei gjente) 2) 1955, Magnhild 1926 g 1961 m Gunnar Haga frå Hadeland, sveisar på mekanisk verkstad i Oslo (har ei dotter: *Venche*), Agnes 1928, sydame i Oslo (Herkules) g 1960 m Georg Tomassen frå Nord-Noreg, ein gut 1929 d 10 dagar gamal udøypt, Dagny Solveig 1931-44, Arvid 1932 sjåfør, g 1956 m Marry Hansen frå Finnsnes, Ester 1934 g 1953 m fabrikkarbeidar Kåre Vensaas, Lommedalen i Bærum (har 2 gjenter og ein gut). Arvid og Marry har no overteke eigeidomen. Han arbeider ved Hemsedal Elektrisitetsverk og ho på Bygdaheimen. Born: Lisbet 1957, Marit Anita 1960, Jan Erik 1965. Har bygt nytt bustadhus 1973.

Andre huslydar i Jordheimsgrenden:

1. Ola Olson Jordheim med borna: Ingebjørg 1826, Henrik 1827, Knut 1831, Embrik 1836.
2. Ola Knutson Jordheim, d 1804 kring 85 år gamal, g 1746 m Ingebjørg Torkjellsdtr: Nils 1748 (d 1817-62 år som Nils i Krikkji), Rangdi 1749-1820-71, Ingerid 1752, Torkjell 1754-1848-94, Dis 1756. Huslyden fekk oppnamnet «Skjerke» (mager, beinberr person): Skjerke-Tørrkjell, Skjerke-Nils osv. Torkjell gikk i legd på sine gamle dagar. Var lenge om året på Tuv og vart difor gjerne kalla Torkjell Tuv. Om sommaren sat han ofte i eldhuset, sat jafsa og togg, so folk trudde han jorta.
3. Knut Olson Vesle-Jordheim, d 1769-58 år gamal, g m Sunnev Bjørnsdtr d 1769-55 år gamal. Dei hadde: Halvor 1741, Ola 1746, Bjørn 1752, Ingerid 1755, Olaug 1760. 4. Knut Bjørnson Langehaug på Jordheim 1730-85-55 g m Kari Knutsdtr. Barnlause. Dessutan er desse *døde på Jordheim* (alle skrivne for Jordheim): Torleiv 1697, Anne 1697, Marte 1697, Ola 1697, Ola 1705, 89 år, Kari 1705, 20 år, Ågot 1747, Helgæ, enkje 1756, Helge Jordheims barn 1750, Ola Jordheims barn 1751, Hans Jordheims gjentebarn 1757, Ola Jordheims barn 1757, Ingrid 1765, 89 år, Knut Jordheims gutabarn 1766, Margit, enkje 1785, 85 år, Knut Bjørnson 1785, 60 år, Barbo Hansdtr 1813, Birgit Halvorsdtr 1830, 100 år, Ivar Ivarson 1830, 70 år, Bjørn Knutson, barn 1801, livarekone Kari Olsdtr 1825, 82 år, Ola Ivarson, barn 1830, husmann Ola Eirikson 1831, 35 år, legdslem Knut Olson 1837, 92 år, gjente Kristi Jonsdtr 1841, 45 år, husmannskone Guri Olsdtr Jordheimseigo 1845, 56 år, Ola Person, barn 1864. Alle ugifte karar vart kalla «gut», om dei so var langt upp i åra, og alle ugifte kvinner likeeins «gjente». Denne ordbruken har halde seg like til upp imot notida. I skattematrikkelen av 1647 er Imre oppført som øydegard, høyrande til prestebølet (den gongen Nes), og som brukar er oppført Knud Embre. Det eldste bygseldokumentet på statsarkivet vedkomande Imre er frå 1709. Presten Peder Vaach, Nes, gjev

bygsel på Imre til Svein Hansson, og skyinaden er eit halvt pund smør. Kontrakta vart fornya 1720. Deretter vart eigedomen bygsla vidare av Anders Boyesen til Torleiv Asleson 1725, Rasmus Asleson 1731 og so til Ola Jørgenson 1740 (som kjøper bygsleretten av Rasmus Asleson). I 1739 bygslar sokneprest Jens Borchsenius eigedomen til Asle Torleivson osv. Den fyrste huslyden kyrkjeboka nemner, er Asle Torleivson d 1708-47 år gamal, g m ei Anne Rasmusdtr, d 1745, 71 år gamal. Dei hadde: Margit 1693, Ambjørg 1696, Anne 1702, Liv 1704, Rasmus 1706-83-77 bonde på Imre (d på Hølle), Turid 1708. - Aret etter at Asle var død, gifta Anne Rasmusdtr seg att med Svein Hansson 1709, som bygslar Imre. Dei fekk borna Margit 1710, Asle 1712, Guri 1718. - Den 9. oktober 1724 er det skifte etter Svein Hansson med Arne Høvtuno, Ola Markegølo og Bjørn Vesle-Jordheim som takstmenn. På skiftet var det m.a. 19 nauskrytyr, 13 geiter, 17 sauer og 5 lamb. So bur på Imre Asle Sveinson, venteleg son til ovafor nemnde Svein, g 1746 m Barbo Endresdtr. Dei hadde: Anne 1746 g m Bjørn Grøto, bonde i Snerte, Ola 1748, Svein 1750, Mari 1752.

Nørdre (nedre) Imre

Gnr 66, bnr 1, Inr 619 a.

På nørdre Imre.

Skriveform: Embre, Imbre, Imre.

Ovafor nemnde Rasmus Asleson g 1729 m Margit Nilsdtr Finnset bygsla i 1731 den eine av Imresgardane, venteleg 66-1. Dei hadde: Kristi 1731, Gunhild 1735, Ola 1737 (g m Velgjerd P. Venåse), Sygni 1741, Kirsti 1747. I 1741 sel Rasmus bygselretten til Ola Jørgenson for 50 rdl. Ola, som døydde i 1774, 64 år gamal, vart g 1) m enkje Anne Trondsdr frå Grøto 1698-1742. I fyrste ekteskapet hadde Anne ein son Knut Olson 1732. Det var skifte på Hersgard i Gol etter Anne 13. juni 1742. På vegner av sonen Knut møtte Johannes Ivarson, mann til morsyster hans. I buet: 1 grå hest, 6 geiter, 10 sauer, 10 nauskrytyr. Ola vart g 2) m Birgit (eller Barbo) Jonsdtr Hallbjørshus: Jørgen 1744, Jon 1746 (både d før 1765), Rangdi 1750 d. Ola vart so g 3) m Margit Knutsdtr 1753: Barbo 1754, Mari 1755 d, Knut 1756-1844-88 bonde på Imre, Mari 1759-73-14, Jørgen 1761, Embrik 1763 g 1798, bonde i Grønåse, Margit 1766.

Knut fekk garden, g 1778 m Ingebjørg Knutsdtr Grøv 1753-1840-87: Ola 1782-1843-61 bonde på Imre, Margit 1785, Olaug 1788, Jørgen 1793-1876-83 bonde i Brøto ved Trøym var ein habil rosemålar (sjå om dette i «Rosemåling og rosemålarar i Hallingdal» 1977). Knut 1797-1810-13. Ola fekk garden, g 1809 m Liv Henriksdtr Trinterud frå Ål, som døydde 1843, 63 år gamal: Ingebjørg 1810-64-54, g 1) 1844, 2) 1852 budde på Kyrkjebøn, Knut 1812-72-60 bonde på Imre, Embrik 1814, Henrik 1817-71-54 skulemeister, bonde på Sletto, Knut 1818-1902-84 bonde på Tuv. Sonen Knut d.e. fekk garden, g m Gunvor Kvarnen frå Ål 1811-81-70, dotter til Ola Torleivson Kvarnen og Margit Hødnungset frå Gol: Liv 1834-98-64 g m 1) Ola Ullsåk og 2) Halvor Ålstveit, Margit 1843-47-4. Knut og Gunvor selde Imre og fløtte til Ullsåk då Liv vart gift dit. Knut døydde brått. sat ute på tunet og fall død om. Gunvor levde endå i 10 år, men gikk heilt i barndomen det siste. Dei selde Imre til Engebret Torkelsen (i 831-1916) frå Uppheimshaugji i Tørpo. Han fløtte til Hemsedal i 1854 og vart i 1860 g m Ingebjørg Ingvarsdtr Ullsåk 1836-62-26, dei fekk sonen Torkjell 1862. «Efter troende venners råd» gifta han seg upp att i 1863 med Guri Knutsdtr Trøym f 1839. Han var ein upplyst mann og kom mykje med i det kommunale styre og stell og var i fleire år ordførar. Etter oppmoding frå Svend Foyn (1809-94) fløtte han i 1865 til Tønsberg og vart styrar for arbeidarbustadene til Foyn (til slutten av 1868). Torkelsen og Foyn var sterke og sjølstendige naturar både två. Torkelsen hadde kjøpt ein gard nær Tønsberg, visstnok med pengehjelp frå Foyn. Men so selde Torkelsen ein part av garden, og dette likte ikkje Foyn. «Har du solgt en del av gården din,» spurte Foyn ein dag dei møttest. Jau, han hadde det. «Vil du selge resten?» Jau, Torkelsen kunne tenkje seg det. «Hvor meget vil du ha?» Torkelsen nemnde ein sum. «Se her har du pengene,» sa Foyn, «og dermed er det slutt med vårt vennskap.» (Flaten fekk høyre denne saga av presten O. Skattebøl.) Torkelsen var tidleg komen med i den kristelege verksemda og var lekpredikant. Etter brotet med Svend Foyn reiste han som bibelbod for Lutherstiftelsen 1869-73 og sea ein god del som emissær for indremisjonen i Vestfold. (Sjå meir om han og bilete - i Rudvin: Indremisjonsselskapets historie I s. 477 flg.) «Engebret var en grei og rettlinjert kar både i tale og færd. En grei og god taler. Han talte i kirken i Hemsedal efter gudstjenesten siste gang, jeg tror ca 1896. Da tok han farvel med Hemsedal, hvor han hadde talt så mangen gang. Jeg synes ennu å se den høie, ranke, gråskjeggede skikkelse stå der i kordøren» (HF). Torkelsen selde Imre til Lars Toreson Rusto 1830-99-69 g 1865 m Margit Knutsdtr Fekjo 1840-1921-81: Birgit 1865 g m Knut Hulbak på Jordheim, Birgit 1866-1934 g m Eirik O. Hulbak d.y., Tore 1868-1901-33 drukna i Hole på Ringerike, Knut 1870-82-12, Margit 1873-1940 ugift, budde heime, Per 1875-1950 ugift, hadde garden, Ola 1876 g 1930 m Karen Laum, Nannestad, f 1892 (dei fekk två gjenter, *Margit og Helga*), Oline 1879-1942 ugift, budde heime, Anne 1881-1961 g 1906 m Helge E. Brenno frå Ål ca 1880-1923 (skreiv seg Eriksen). Dei var røktarfolk ymse stader til dei i 1918 kjøpte garden Nøsterud i Strømm

kommune. Dei fekk fire gutar og tre gjenter (som nyttar Helgesen som ættenamn). Birgit d.y. vart g 1906 m Eirik Hulbak. Dei budde fyrst hjå Eiriks far på Hulbak. Då han døydde i 1920, bygde dei åt seg på Imre. Dei hadde ei dotter: Guro 1907-17-10, einaste barnet. Ho sette livet til ved ei ulykke på Hulbak. Dei treskte, og ho skulde stige over stonga frå hestevandringa. Ein skruve hekta seg fast i kjolen hennar og drog henne overende. Ho vart so ille medfaren at ho døydde dagen etter. - «Lars Imre var en av disse lesle mennesker, som det alltid er solskin i sinnet hos. Det smatt lette spøkeord hos ham dagen lang. En kone, som trakterte ham med kaffe, bar sig ille, at kaffen var grud-det. «Ja det æ det tjukke som køsta peing,»sa Lars. Ved fundamentering av et brokar under Trøysbroen stod han i vann op under armene. Lars spøkte og sa: «E æ ikkji gjønømvåt enno, e.» Og han hadde rett: Han var jo ikke våt lenger enn til skinnen. Lett var hans sinn og lett var hans bortgang. Det var skjærtorsdag 30. april 1899. Stod tidlig op, gjorde op varme og morgensnugget sig. Ferdig med det, tok han Bibelen og sat leste i den til kirkefolket begynte å komme. Gik så til kirken. Stod ved stakitgjerdet nogle meter nord for kirkeinngangen og pratet ved nogen kjenninger. Fall om og var død med det samme» (HF). Per, son til Lars, overtok garden. Dyrka upp ein del jord, bygde uthus og bustadhus heime og ny bu på stølen. Han åtte Imre til Anne Eriksen, syster hans, kjøpte garden i 1942. Erik, eldste son hennar, forpakta fyrst Imre av mor si 1942-51. So kjøpte han garden, og ein yngre bror, Knut, overtok Nøsterud i Strømm. Erik Helgesen f 1908 vart g 1942 m Lilly Kristoffersen frå Drammen f 1913. Born: Kirsti 1946 g m Jan Tingelstad, Drammen, Born:Lars Aksel 1967, Anne Cathrine 1970. Tove 1950 g 1972 m Oddbjørn Ålrust, dei har bygt åt seg på Imre har ein gut Tore Andreas 1969. Erik har vore mykje interessert i idretten, og størsteparten av arealet for idrettsplassen i Hemsedal kjøpte dei av han. Har selt fleire tomter, soleis ei til Asle Roteigen frå Gol, som har bygt åt seg lenger nord. Imre har no langstøl på Jordheimsstølo, men i gamal tid støla dei i Kvannegrøo nordafor Hundsæm på vegen til Lægre. Ved ei rettsavgjerd vart han kjend som eineeigar av dette fjellområdet. Det var altfor lang og tungvind stølsveg til Kvannegrøo, og i 1941 slutta dei å vera der.

Søre (øvre) Imre

Gnr 66, bnr 3, lnr 620. På søre Imre.

Knut Olson Imre (son til Anne Trondsdr av fyrste ekteskap) vart g 1752 m Ingebjørg Olsdr, visstnok barnlause. Torleiv Asleson Imre, venteleg bror av Rasmus Asleson på Imre 66-1, vart g m Margit Olsdr, d 1760. Kyrkjeboka og skiftebrev nemner desse borna: Ragnhild 1729, Asle 1730-64 bonde på Imre, Trond 1733, Ragnhild 1734, Kari 1739. Asle vart g m Kari Mekkelsdr, d 1774. Dei hadde: Margit 1759, Torleiv 1763. Kari vart g 2) 1765 m Jakob Jehansson Imre. Dei fekk ein son: Asle 1767. Han vart g 1803 m enkje Kari Bjørnsdr Øndredal og budde på Øndredal (sjå der). Sonen Torleiv av fyrste ekteskap vart g 1793 m Kari Tomasdr Lien 1764-1847-83. Dei budde ikkje på sjølv Imre, men på *Imreseiga*, eit mindre bruk utskilt frå Imre: Kari 1793, Ingerid 1796, Margit 1799. Ingerid vart g 1826 m Hallstein Nilsson Høltø. Ved folketeljinga i 1801 budde på Imre 66-3 Knut Toreson Ullsåk 1747-1820-73 g m Marte Knutsdr som døydde i 1814, 68 år gamal. Dei hadde: Knut 1780 d, Knut 1781, Jørønd 1784, Tore 1789. Knut d.y. hadde Imre frå 1810 og utover (skøyte frå 1823), fortel nedafor nemnde Nils Embre. Ein støl dei kallar Martestølen (ved Snerteaugen) har høyrte Imre til, men høyrer no Evang til (sjå der). Der skal det og i gamal tid ha vore vinterbuande folk. Kven stølen har fått namn etter, er ukjent. Men i 1693 er det nemnt ei Marte Imre som fadder, dessutan Marte Trøym, Marte Kyrkjebøn og Marte Torset. Det kan hende bustaden har fått namn etter ei av desse. So kom Ola Jonson Jordheim til Imre. Han bytte gard med Ola Toreson Eikre i Lykkjehaga (sjå der). Seinare blir klokkar Todok (Todøkk) eigar av Imre. Knut Olson Todøkk 1805-88-83 var frå Nes, g 1) 1831 m Mari Persdr Langslett 1807-75-68, ogso frå Nes. Dei budde fyrst på Brøto eller sande ved Trøym, og kom so til Imre. Semlen fortalde at han sag då dei kom til Hemsedal. Det var om våren i førefallet. Mari gikk fyry, leide ei kyr og bar eit barn på ryggen. Han gikk etter, jaga på kyra og bar ei bør med pjanket deira. Todok kom til å bli mykje med i bygdastyringen. Han var ein opplyst mann, hadde gode evner og ein sterk karakter til å få sett sitt syn og sin vilje igjennom. Var heradskasserar, postopnar til ikring 1883 og vaksinator, hadde ei sterk og vakker songrøyst og var ein hendig mann både til grovt arbeid og fint. Sterk og spretten. Det vart fortalt at han sto stavlaust på ski dei gamle, bratte golingsbakkane. Born i fyrste ekteskapet: Barbo 1831-70-39 g m Halvor J. Ullsåk, Birgit 1833-1922-89 g 1863 m Arne Høvdæ i Berg (hadde før: Mari Gudtormsdr 1853 d), Oline 1835 g m Nils Jordheim, Ola 1838 lærar i Hafslø, Sogn, døydde tidleg, Per 1840-1929 bonde på Imre, Sunnev 1845-96-51 g m kyrkjesongar Grøthe. - Todok vart g 2) 1879 m Mari Ingvarsdr søre Venåsbakko 1859-95-36. Dei hadde: Olav 1879-1920-41 g 1901 m Kristi Grøndalsdøkken, Kari 1885. - Mari vart g 2) m Sjugnr Larsson Stunde og fløtte dit med borna sine. Der døydde ho av tæring. Olav og Kristi fløtte til sande i Vestfold, der Olav døydde i etter måten ung alder. Per overtok Imre g 1870 m Ingebjørg Olsdr Jordheim 1844-1927: Knut 1872-94-22 døydde av meningitt på Helgelandsmoe og vart gravlagd ved Hole kyrkje (OR), Ola 1874-1958 bonde på Imre, Ola 1878 snikker, g m Margit Olsdr Jordheim (sjå Hølgjhaugen), Per

1881-1944 g 1910 m Birgit Anfinsdtr (sjå Evang), Nils 1884 bonde på Imre 1934-56. Ola d.e. fekk garden g 1916 m Birgit Trondsdr Brandvøl 1886-1925: Ingeborg 1920 g m Olav E. Fekene (sjå Evang 66-6), Margit 1921 g 1955 m Ola T. Roe frå Gol f 1914, dei har no garden, Mari 1923 g m Kolbjørn Helgerud (sjå Heimtun 67-81). Ola hadde garden frå 1909 til han i 1934 selde han til Nils, bror sin. Han nydyrka ein god del jord og tok til med å bygge nytt bustadhus, som Nils fullførde. Ola var kyrkjetenar i ca 15 år til ikring 1948. Nils hadde garden til 1956. I samband med bygging av bustadhus og uthus vart gardstunet fløtt noko nærmare riksvegen. Nils bygde ogso ny stølsbu (ogso Imre 66-3 har støl på Jordheimsstølo). Nils var visstnok den fyrste i Hemsedal som støypte vegger, golv og himling av betong i husdyrroma. I veggene nytta han torvisolasjon i midten. Han må reknast som ein vidsynt mann med allsidige interesser og eit sers godt minne. Ola og Margit Roe overtok garden i 1956 etter Nils, farbror til Margit. Ola dreiv trevarefabrikk i Hemsedal nokre år samen med Olav Ransedokken. På stølen har Ola nydyrka ein del jord og har som andre fått tillagt felt for vidare dyrking. Har ogso dyrka upp ein del heime. Ola var med i heimestyrkane ei tid under krigen og har diplom frå gruppe D, område 1421. borna til Ola og Margit: Nils Ove 1957, Inger Bodil 1960. I samband med Imre må ein ogso nemne *Guri Roteigen*, enkje etter Ola Roteigen i Gol, som døydde ved Robru 1925. Guri kom til Hemsedal som budeie og hushjelp og vart buande her. Dei två sønene hennar har og slege seg til i Hemsedal.

Det er nemnt ein huslyd til på Imre i eldre tid utan at ein veit kva for gard dei budde på: Knut Knutson Imre g 1810 m Barbo Jonsdtr Jordheim 1774-1857-83. Dei har venteleg berre vore tilhaldarfolk. Barbo vart g 2) 1829 m Ola Sjugurdson Grøto 1787-1861-74. Knut og Barbo hadde ei dotter: Kari 1813. Desse er *døde på Imre*: Anne Imre 1697, Margit Henriksdtr 1809, 90 år, Knut Arneson 1827, 46 år, og Knut Ameson Høvdæ 1827, 55 år.

Sletto

Gnr 66, bnr 2. På Sletto.

Her budde skulelærer Henrik Olson Imre 1817-71-54 (skreiv seg for Sletto) g 1845 m Kari Knutsdtr Grøto 1823-1909-86. Husa på Sletto låg den tid ovafor den nye vegen «Lina like sunnafor den nye kyrkjegarden. Her budde huslyden hans med han sjøl heldt skule på Torset, i Ålrust og i Lykkjun. Han nista seg ut for veka og kom heim att om helgane. Sist på hadde han vondt for å gå, men folk i grenden skyssa han eit stykke. Dei vilde han so vel, sa son hans. På Brøta eller Sande nord ved Trøymsane budde ei tid Todok, og i Haugji, rett upp for Sande, budde Torleiv Gudtormsen. «Således var det her på en liten flekk bosted for hele Hemsedals pædagogiske kollegium. Her kom de naturligvis sammen nu og da og talte om skolen, skolebarna, folkelivet på den og den gård, der de holdt omgangsskole. Om matstellet på gårdene, tenker jeg. Om drikk og dus i det og det bryllup, der de sist hadde vært kjøkemeistre. Sist på holdt de «almuevennen», og da kunde det bli tale om nytt ute fra verden. De røktet vist sin gjerning godt. Men noget høiere ideal utenom sine skolefag, har de vel neppe hat syn for. Sin siste skoledag holdt Henrik i Ålrust 4. mai 1867. Han var da sykkelig. En messedag våren 1871 var han og kone ved kirken og gikk til alters. Under messen blev han alvorlig syk. Så vidt han kune kræke ut av kirken. La sig ute på marken. Der lå han da folk kom ut. Måtte bæres ned til Sletto (altså frå den gamle stavkyrkja). Døde 17. mai. Kari Sletto døde også brått. Hadde lagt sig om kvelden som almindelig. Lå og pratet til en pleiesøn, som Ola (sønnen hennes) hadde tatt til sig: Ingvar Ingvarson Grøto (frå Myte). Pratet om sine gjæterdager. Til slutt tagde hun. Hun var død»(HF). Borna til Henrik og Kari: Liv 1846-1924-78 g m Andres Sande eller Brøta, Ola 1851 d, Ola 1853-1928 bonde på Sletto, Knut 1861 g 1884 m Olaug Ingvarsdtr Lykkjebakko, rtA (hadde i Hemsedal ei dotter: Kari 1885). Ola vart bonde på Sletto g 1880 m Margit Trondsdr Eikro eller Pytte ved Hølle 1841-1926, ho var blind den siste tida ho levde. Ola var kyrkjetenar (ringjar og gravar) mest heile tida etter at den nye kyrkja vart teken i bruk (1882) og til sistpå han levde. «Ringte til messe, til høitid, ringte de trette hemsedøler til gravens kvile. Og grov deres grav. Der klages over husnød nu. Men Ola Sletto skaffet hus til alle, som bad om det. Det siste hus i Skeiekjølvas grus. (Den nye kyrkja og kyrkjegarden ligg på ei flat kjølve som hørde til bruket Skeie.) Men mennesket har intet blivende sted. Selv det siste hus får de ikke ha. Om nogen år skubbes de til side for å gi plass til en anden. Ola Sletto, som har skaffet gravrum til alle døde nu i 43 år, har vel tenkt adskillig under sitt arbejde! Jeg reiste forbi kirkegården engang under spanskesyken 1918. Han holdt på å lage plass til en der. Jeg snakket til ham. Det var gråt i målet hans: Nu er det kommet 11 lik i jorden på 14 dager, sa han» (HF). Borna til Ola og Margit: Kari 1881-1959, ho budde og arbeidde på Sletto til sin død, Henrik 1882-83-1, og so tok dei til seg fostersonen Ingvar f 1901 (han var son til Ingvar Grøto g m Borghild Gurigard frå Ål, sjå nordre Myte). - Ola selde ei tomt ovafor vegen til Jakob Haugen, som bygde åt seg der (sjå Kirkerud 66-4). Ingvar overtok Sletto i 1930. Han nydyrka noko jord heime og bygde fjøs og stølsbu på stølen sin på Jonsstølo. Bygde ogso två bustadhus ovafor riksvegen, det eine samen med Kari Sletto. Etter kvart vart eigedomen Sletto utstykkja og selt for å skaffe plass til nybygging. I 1939 selde han tomt til Oline

Bråten som bygde der (Slettemoen 66-5, sjå der). Denne eigedomen vart seinare selt til Hallgrim Røang og sea til Hemsedal kommune. I 1951 selde han tomt til Ola Roe og Olav Ransedokken, og Ransedokken bygde seg hus der (sjå Heimsil 66-17). Vidare selde han tomt til Hemsedal Maskinlag (Maskintomta) visstnok i 1954. I 1960 vart den gamle stugo og uthusa på Sletto rivne ned og selde (gardstunet var i Ola Sletto si tid neafor vegen). Hemsedal kommune vart etter kvart interessert i meir tomteareal og kjøpte i 1963 og 1964 resten av eigedomen neafor riksvegen, likeeins husa og tomta til Halgrim Røang på Slettemoen. Endeleg selde Ingvar i 1964 stølen og det han hadde att ovafor riksvegen m.m. til Rasmus Eikre, men heldt undå dei två bustadhusa han sjølv hadde bygt (med tomt til) og ein skogrem vesta åne. Rasmus selde att ei tomt til Svein, bror sin, som bygde seg hus der (sjå Slettåker 66-30).

Evang

Gnr 66, bnr 6. Ny bustad.

Evang ligg mellom Imre 66-3 og Nygard 65-9. Det var Per Person Imre 1881-1944 som kjøpte jord og tomt av Ola, bror sin, i 1916 og bygde der. Seinare kjøpte han også Martestølen på Torsetsida og lite meir jord heime. Per dreiv ein del med fehandel, og i mange år leigde han Jordheimslægret (1910-44) og hadde beitefe der om somrane. Attåt leigde han Kvannegrøo, Kneikjitt og ei hamn ved Langekjedne. Her var det vidder nok, og han likte seg godt med dette fjell-livet. Noverande eigar av Evang er Olav E. Fekene, som vart g m brordotter til Per (dei skriv seg Fekene). Olav f 1915 og Ingeborg (skriv seg Ingebjørg) f 1920 fløtte til Evang i 1948. Dei har två born: Berit Marie 1951 og Engebret Ole 1957. Dei eig halvparten av stølen til Storeskar nørde 79-18 i Mørkedale. Har også fått attåt nokre dekar jord og skog av grannegarden Imre 66-3, der kona er ifrå. Olav er sjåfør av yrke og driv med lastebil køyring ved sida av gardsbruket. Var med i felttoget mot okkupasjonsmakta 1940. Ingebjørg er tilsett i Hemsedal Elektrisitetsforsyning (butikken).

Sommerro

Gnr 66, bnr 11. Ny bustad.

Asle Roteigen frå Gol f 1924 g 1955 m Ingerid Margit H. Haugen f 1934 kjøpte tomt av Erik Helgesen på Imre 66-1, bygde bustadhus og fløtte inn der i 1955. Asle er frå Gol, men har vore i Hemsedal sea 1939. Er sjåfør av yrke og køyrde i fleire år for A/S Hemsedalsbilane, men køyrer no lastebil for eiga rekning. Har også kjøpt ein liten eigedom i Grøndale, Snikkerhuso, av Lars Hjelmen (86-44). Han var med i heimestyrkane 1945. Born: Odd Harald 1959, Geir Magne 1968.

Kirkerud

Gnr 66, bnr 4. Ny bustad.

Kirkerud ligg sunnafor kyrkjegarden, ova riksvegen. Jakob O. Haugen 1900-61 kjøpte tomt av Ola Sletto i 1923 og bygde seg hus her (1928). Han kalla den nye bustaden Kirkerud, men skreiv seg Haugen. Jakob dreiv mykje som bygningssnikker, men nydyrka også ein del jord. Kjøpte gardsbruket Åsen (61-16) på Torsetsidun og bygde ei hytte der som han selde att. Han kjøpte og den stølen som Knut Hallen hadde i Mørkedale, vølte om husa og-

bygde hytte der. Tok mykje del i misjonsarbeidet, og var med i ymse nemnder og styre. Skjønsmann. Gift 1928 med jordmor Kirsti Spangelo frå Borgund f 1898. Ho var jordmor i Hemsedal frå 1925 til 1960. Hadde før praktisert fem år i Hersvik i Sogn. Etter endt tenest vart ho tildelt Kongens fortienstmedalje i sylv. Jakob og Kirsti var barnlause. I 1968 vart eigedomen selt til *Ola Berg* f 1917 (sjå Berg) og *Ole Helgesen* 1905-72 g m *Karoline Berg* f 1914.

Slettemoen

Gnr 66, bnr 5. Ny bustad.

Det var Oline K. Bråthen 1894-1956 (sjå Snikkerbrøten 67-8) som kjøpte tomt her like nedafor riksvegen på Sletto i 1939, bygde seg hus då og busette seg der. Ho dreiv med ymse arbeid, men mest som kokke og sydame. Då ho fall burt (1956), kjøpte Hallgrim Røang bustaden og fløtte hit frå sitt eige hus ved Trøym (Frydenlund 67-56), som han selde til Karl Gjerde. Hallgrim Røang f 1911 er frå Reinli i Sør-Aurdal. Han kom til Hemsedal i 1941 og har for det meste arbeidd på riksvegen. G 1942 m

Anne Irene øverby f 1924 (mor hennar var frå Snikkerbrøta 67-8 i Hemsedal). Born: Olaf Arvid 1943, Astrid Odbjørg 1945, Knut Harald 1947, Karin Synnøve 1948, Grethe Jorunn 1949, Ingrid Vigdis 1951, Solveig Torill 1952, Rolf Vidar 1955. I 1964 selde Hallgrim Røang Sletternoen, både hus og tomt, til Hemsedal kommune, og husa vart rivne for å gje plass for det nye heradshuset. Hallgrim fløtte då til Oslo med huslyden sin.

Heimsil

Gnr 66, bnr 17. Ny bustad.

Bustaden Heimsil ligg nedafor riksvegen ved ein veg som går vidare til maskinverkstaden åt Hemsedal Maskinlag. Ingvar Sletto selde desse tomtene, og Olav Ransedokken frå Gol bygde hus og busette seg på Heimsil 1955 (skriv seg Ransedokken). Olav f 1912 har for det meste arbeidt som snikker. Frå 1949 til 1959 dreiv han Hemsedal Trevarrefabrikk saman med Ola Roe. G 1946 m Karen O. Sletten f 1911. Born: Birgit Marie 1947, Ole Ottar 1949 d, Olgunn Kjellaug 1952.

Hemsedal Maskinlag

Gnr 66, bnr 18.

Rasmus i. Eikre, Knut Møllerplass og Ivar Hjelman starta i 1950 Hemsedal Bulldoserdrift, og dei var dei fyrste hemsedøler som vågde seg på innkjøp av slik reiskap. Dei dreiv isamen til i 1953. Då gikk Ivar Hjelman ifrå, og laget vart oppløyst. Men straks etter skipa Rasmus Eikre, Knut Møllerplass, Kolbjørn Helgerud og Ola O. *Dokk* det nye Hemsedal Maskinlag. Dei kjøpte tomt av Ingvar Sletto (Maskintomta), bygde fyrst garasjer, dinest maskinverkstad (1955) og ogso bustadrom i andre høgda over verkstaden. I 1955 gikk Ola Dokk ifrå, men dei hine heldt fram med verksemda. Ved juletid 1958 døydde Knut, og kona hans tok over hans del ut året 1959. Etter den tid har Rasmus og Kolbjørn vore eieeigarar. Som autorisert entreprenørforretning utfører maskinlaget vegbygging, planering, grøfting og nydyrking m.m. Dei moderne maskinene: bulldosarar, gravemaskiner osv. - som her i Hemsedal kom i bruk frå 1950-åra og utover - har ført til ein framgang for bygg- og anleggsarbeid som var utenkjeleg før. I sommarhalvåret har Maskinlaget mellom 10 og 20 mann i arbeid, om vinteren noko mindre. Laget har nyleg bygt ny tidhøveleg maskinverkstad. I bustadroma over verkstaden bur det som oftast folk, f.t. *Olav i. Eikre* f 1930 og *Per Møllerplass* f 1917.

Lidarende

Gnr 66, bnr 26. Ny bustad.

Her bur Asbjørn og Ingrid Spjøtvoll, båe tilsete ved Trøym skule. Dei kjøpte tomt av Erik Helgesen på Imre og bygde seg hus 1965. Adjunkt Asbjørn Oddvar Spjøtvoll f 1932 er frå Hemne i Sør-Trøndelag g 1956 m Ingrid Solveig Strand frå Nord Aurdal f 1931. Dei har ei dotter: Hildegunn 1961. Dei har vore lærarar i Hemsedal sea 1959. Har allsidige kulturinteresser, og elevane deira har fleire gonger nådd sers gode resultat i teiknekonkurransar på landsbasis.

Samfunnshuset

Gnr 66, bnr 25.

Eigar: Hemsedal Kommune. Her er heile kommuneadministrasjonen samla, ogso jordstyre, skulekontor og turistkontor. Dessutan felleskontor for lensmann, prest og skogmeister. Leigebuarar: likningskontoret (Staten), trygdekontoret (Staten), revisor Olav J. Fekene og Hanne Lise Worm frå Danmark f 1945 som driv eigen frisørsalong i samfunnshuset.

Magnebu

Gnr 66, bnr 34. Ny bustad.

Eigar: Magne Olav Thorset f 1953 (sjå 68-9). Han kjøpte tomt av Erik Helgesen på Imre og bygde seg hus her (straks neafor Lidarende).

Slettåker

Gnr 66, bnr 18. Ny bustad.

Her bygde Svein og Kari Eikre seg bustad i 1963 (sjå Intelhusbakko 57-6), og kalla det Slettåker. Dottera Kari f 1945 vart i 1965 g m maskinkøyrar Sverre Bakko f 1936 (sjå Lykkjebakko 53-6). Born: Lars 1966, Monika 1969. Bur på Slettåker.

Trøymsgrenda

Trøym var truleg ein av dei eldste og største gardane i Hemsedal. Og ned gjennom tidene vart det so skilt ut mange gardar og bruk or det opphavelege Trøymsvaldet: dei två *Trøymsgardane*, nørdr og søre *Fløgo*, *Snikkerbrøten*, *Juve*, *Haugen*, *Brøto*, *sanden* og dei nyare *Helgestad*, nørdr og søre *Bygdheim* og *Skogly* (med nylaga namn) og dei nedlagde bruka *Skeie*, *Kvene*, *Haugo*, *Heggjedalen* og *Fiskum* (det blir og nemnt eit Trøymseigo). Ogso *Sletto*, *Enden* og *Tubba* i Grøndale hørde i si tid Trøymsvaldet til. I det aller siste er det so kome til fleire forretningar og verkstader og ein heil del bustadbygg (villa-bygg) utan jordeigedom til, som ein nedafor vil sjå. Trøym- og Kyrkjebønsreppen med Skogajordet er no det folkerikaste bustadstrøket i bygden. Her har kyrkja hatt sin plass frå gamalt (stavkyrkja fyrst og so nyekyrkja), og her vart det skule- og kommunehus og bygdaheim i nyare tid.

I skattematrikkelen 1647 er det två Trøym-gardar, bae skyldsette som halvgardar. Eigargar: *Gutorm Trømb* og *Niels Trømb*. I folketeljinga 17 år seinare er det nemnt två uppsitarar på Trøym-gardane: *Hans Knudson*, 40 år, på den eine, og på den andre *Aadnolv Guttormsøn*, som brukar eine halvparten, medan *Jakob Markegaard* brukar den andre. Etter eit dokument dagsett Kirkebøns tingstue 20. august 1647 hadde Gudtorm Trøym lånt 648 rdl av ein Peder Rud og som trygd for dette sett i pant søre Ålrust, som han då åtte.

Dei fleste på Trøym nyttar den gamle skrivemåten Trøim i ættenamnet sitt. Nørdr (eller øvre) Trøym *Gnr 67, bnr i, lnr 621 a. På Trøym. Skriveform: Trøym eller Trøim*. Før var dette søre Trøym, men etter utskifting kring 1924-25 skiftet det om til nørdr Trøym, eller øvre Trøym, som dei og ofte seier. Her skriv me heile vegen nørdr Trøym. I skifte etter kone Margit Sjugurdsdtr Trøym d 1702 er Svein Sjugurdsøn Kyrkjebøn nemnd som bror hennar, og mannen hennar heiter Håkon Jakobson Trøym. Dei hadde fem born: Knut, Ola, Svein, Guri og Liv. alder er ikkje oppgjeve. Me veit ikkje meir om desse folka. Dei fyrste som kyrkjeboka nemner, er Håkon og Birgit Trøym. Dei hadde borna: Gunhild 1701, Embrik 1704.

So er nemnt Håkon Jakobson d 1721 g 1705 m Margit Gaudesdtr d 1756, 80 år gamal. Det er kan hende den sama Håkonen som er gift två gonger. Nokre år har dei butt på Hølle. Ein ser ofte samband mellom Markegølo og Trøym og Trøym og Hølle. Born: Åse 1707, Margit, Gaute 1710-32-22, Ola 1714-80-66 budde på Trøym eller eit Trøymbruk.

Ola vart g m Margit Halvorsdtr (kvar ifrå) f i Boyesentida d 1792, 82 år gamal. Dei hadde: Mari 1757, Håkon 1757 (tvilingar). Jakob Olson, d 1760, g 1706 m Liv Hansdtr nørdr Trøym hadde: Svein 1706 bonde på Vøllø, Margit 1709-53-44 g m Eirik Mekkelson Fausko, Sigrid 1711, Kari g m Halvor Knutson i Lykkjun (ukjend), Birgit g m Knut Tomasson Haugji (Lio) hadde sonen *Lars* 1755, Hans, Guro g m Nils Rusto. Etter Boyesentida har me ein Per Olson, d 1763, g m Kari Knutsdtr Trøym. Han var son til Ola Olson og Guro Persdtr Markegølo og var retteleg ein stor-gauve. Han styrde ei tid bae Trøymsgardane. Fekk den eine med kona si og kjøpte den andre i 1733 av Lars Toreson Grøto. I 1757 gjev han frå seg vel bae gardane til dei två eldste sønene sine, nørdr Trøym til Knut, søre Trøym til Hans. Då var han vel gamal og mett av dagar - og strid. Born: Hans bonde på søre Trøym, Guro 1725 g 1747 m Eirik Haug, Knut 1731-1803-72 bonde på nørdr Trøym, Ola 1734-1811-77 g 1770, bonde i Lien og Venåse, d på ein Trøymsplass. Knut fekk nørdr Trøym, g 1759 m Kari Herbrandsdtr Torset 1743-97-54: Per 1760 g 1788 m Margit T. Brandvøl, bonde på Brandvøl og Hølle, Kari 1766 d, Herbrand 1767 d, Kari 1770 d, Herbrand 1771-1852-70 bonde på nørdr Trøym, Kari 1775-1848-73 g 1796 m Ola Knutson Skar. Herbrand fekk garden g 1799 m Guri Knutsdtr. Ho var frå Ottargarde på Røtneim i Gol og hadde før giftarmalet sonen: *Ola Jonson* ca 1793. Borna til Herbrand og Guri: Knut 1799-1843-44 bonde på Trøym, Knut 1802-12-10, Kari 1804 g m Tore Markegølo, d på Semle i Valdres ca 1892, Ingebjørg 1804 (tviling). - *Ola Janson* vart med mor si til Hemsedal. Var felespelar og spelte i mange bryllup, g 1826 m *Ingebjørg* Bjørnsdtr Trøymseigo 1794-1872-78. Ho var dotter til Bjørn Ingvarson og Birgit Knutsdtr, men me veit ikkje meir om desse folka. Ola og Ingebjørg hadde ingen fast bustad, men er skrivne for Trøym og for Kyrkjebøn. Dei hadde desse borna: *Jon* 1816-1903-87 budde på Tubbun og sea Enda i Grøndale, *Guri* 1826-1903-77 g m Ola Hansson Snikkerbrøta, *Herbrand* 1827-66-39, *Knut* 1829, *Birgit* 1831, *Ola* 1835 g 1870 m Liv Torsteinsdtr Sletto i Grøndale. Ola Jonson hadde før ekteskapet eit barn med Kari Torleivsdtr (Løkji f 1792 eller Imreseigo f 1793): *Guri* 1823. Knut Herbrandson fekk garden g 1) m Anne Sveinsdtr Ullsåk eller Intelhus 1794-1825-31: Herbrand 1822-84-62 ugift budde på Trøym. - Knut g 2) 1826 m Ingerid Olsdtr Kyrkjebøn 1801-71-70: Ola 1827-97-70 bonde på nørdr Trøym, Knut 1830 bonde på søre Hustad og sea i Nygjerdun, Gol, rtA, Anne 1832-33-1, Jiggjer 1834-1914-80 bonde på søre Trøym, Anne 1836-1926 g m Ola Grøto, Guri

1839 g m Embrik Imre, Ola 1841-42-1, Barbo 1841 d (tving). - Sonen *Knut* g 1862 m *Sigrid* Olsdtr f 1833, budde nokre år på søre Hustad, men kjøpte so Nygjerdia i Gol. Der døydde *Sigrid* i barnseng. I Hemsedal hadde dei borna: *Ola* 1862-66-4, *Knut* 1863, *Margit* 1864, *Sigrid* 1873. *Knut* vart g 2) m *Guri* Olsdtr Haugji i Lykkjun. *Ola* Knutson fekk Trøym g 1852 m *Margit* Olsdtr Hustad 1836-1921-85: *Ingerid* 1854 g m *Ola* Larsson Kyrkjebøn, bonde på Jordheim, *Knut* 1856-81-25 bonde på Trøym døydde av lungebetennels, *Kristi* 1858 g 1) m *Einar* Vika, 2) m *Torleiv* Vika, *Ola* 1859 bonde i Nilssongarde, *Barbo* 1863 d, *Ola* 1867 d. *Knut* fekk garden g 1877 m *Rangdi* Hølle 1856-1940: *Margit* 1878 g m *Ingvar* O. Fausko, dei busette seg i Lier, *Karoline* 1881 g m landhandlar *Eirik* Langehaug (sjå søre Fossheim 62-18). - *Rangdi* vart g 2) 1884 m *Knut* P. Rese 1841-93-52: *Anne* 1885 g m *Ola* S. Ullsåk, *Ingerid* 1888-1962 g m *Ola* Oddson Kyrkjebøn d.e. (68-1), *Oline* 1891-1945 ugift. - *Rangdi* g 3) m *Eirik* Andresson Torset 1871-1964: *Andres* 1902 bonde på Trøym, *Birgit* 1906 g 1927 m *Oskar* E. Fekene. *Eirik* var ein humørfyllt kar med godt minne. Han hadde Trøym til sonen overtok i 1926. *Andres* vart g 1926 m *Maria* nørde Hulbak f 1905: *Rangdi* 1926 g m *Thomas* O. Langehaug, *Erik* 1929 bonde på Trøym, *Egil* 1935. *Andres* hadde garden til 1960 då *Erik*, son hans, overtok. Bygde nye uthus og bustadhus både heime og på stølen og nydyrka mykje jord. Han selde heimstølen Øygarden på vestsida av Heimsil til *Ola* Kveen, Bråthen, men kjøpte att ei myr omlag på sama staden av *Per* O. Imre. Kjøpte ogso två småbruk nørdest i Grøndale, søre Hjelmen (86-18) og Sletto (67-16). Attåt har han drivi med handel, for det meste hestehandel. Garden har langstøl på Fete, nørdest i Grøndale. Både føre og noverande eigar har selt mange tomter, både heime og i Grøndale. Heime selde *Andres* tomt til m.a. *Trond* Kirkebøen, som bygde og busette seg her (*Granheim* 67-32). Vidare vart det selt tomt til *Dagmar* Hansen, som bygde hytte her (sagtræet eller Trøymstua 67-39), seinare selt til *Karl* Høgberg, og til *Hallgrim* Røang som bygde og busette seg her (*Frydenlund* 6756), seinare selt til *Karl* Gjerde. Ogso *Lars* Hjelmen fekk tomt, bygde og busette seg her (*Haugtun* 67-67), likeeins *Nils* Lokreim (øvve 67-85).

Søre (eller nedre) Trøym

Gnr 67, bnr 7, lnr 622 a.

På Trøym. Skriveform: Trøym eller Trøim.

Tunet på dei två Trøymgardane låg før tett ved kvarandre like nord ved Trøymsåne. Men ved utskiftningen ca 1924-25 vart det tidlegare nørde Trøym fløtt sørøg nedover og blir no kalla søre (eller nedre) Trøym. Ved folketeljinga 1664-66 var det visstnok *Hans* Knutson som budde her. I 1671 er det nemnt ein bygdelensmann *Hans* Trøym, som venteleg må vera han. Den fyrste mannen som kyrkjeboka nemner her, er *Knut* Hansson d 1725, som truleg er son til ovafor nemnde *Hans* Knutson. *Knut* vart g 1693 m *Barbo* Nilsdtr: *Hans* 1705 d, *Hans* 1706, *Birgit*, *Kari* g m *Per* Olson Trøym, *Margit* g m *Andres* Tuv. Ved skiftet etter *Knut* 15-8-1725 er det upprekna m.a. ein brennevinskjel, ein blakk og ein skjevut hest, verdsett til 12 rdl kvar, 24 storfe, 6 kalvar, 31 sauer, 14 geiter. Til buet høyrde og ein del lausøyre som sto på Semle i Valdres, deriblant ei kyr, ei kvige og 11 tunner korn, verdsett til 19 rdl. So er det den mektige *Per* (sjå 67-1) som eig baa gardane. Etter han fekk *Hans*, son til *Knut*, Trøym 67-7, g 1740 m *Sigrid* Andresdtr. Ho er født i Boyesenstida, so det er uvisst kvar ho var ifrå. Dei hadde desse borna: *Knut* 1741, *Andres* 1744-1802-58 bonde på Trøym, *Kari* 1746, *Per* 1749, *Kari* 175181-30 budde på Ullsåk, døydde i barnseng, *Sigrid* 1753 g 1782 m *Lars* Tubbun i Grøndale, *Rangdi* 1755-78-23, *Ola* 1756 g 1804 m *Gunvor* Monsdtr Venåse d 1825, *Per* 1758 g 1) 1782 m *Lukris* Tomasdtr 2) 1791 m *Gunhild* Grøto, *Jiggjer* 1764-1855-91 g m enkje *Barbo* Kyrkjebøn. - *Per* og *Lukris* fekk två born: *Tomas* 1778, *Hans* 1782. - *Ola* og *Gunvor* vart buande på eit Trøymbruk. Dei hadde: *Hans* 1804, *Mons* 1807-29-22.

Andres fekk garden g 1776 m *Ragnhild* Olsdtr Markegølo 1755-1809-54: *Sigrid* 1778-1839-61 g m *Eirik* Haug, *Margit* 1781-1818-37 g 1803 m *Ola* Embrikson Torset, *Ingerid* 1786-1806-20 g 1806 m *Arne* Knutson Viljugrein, *Hans* 1789 bonde på Trøym, *Kari* 1794 d ung, *Ola* 1795-1846-51 druknar, *Kari* 1798 g 1821 m *Ola* Toreson Kyrkjebøn rA 1857. - *Ola* heldt på med noko arbeid i ei kvern ved Trøymselva iflaumtida om våren. Elva fløynde upp og tok kvernhuset med seg, og *Ola* drukna. Ved skiftet etter *Andres* vart garden verdsett til 1100 rdl. Kvar av sønene fekk 229 rdl i arv, og kvar av døtrane 114 rdl. - *Ragnhild* vart g 2) 1803 m enkjemann *Nils* Arneson Høvdae, dei budde på Heggjstad. *Hans* fekk garden g 1811 m *Gunvor* Sjugurdsdtr Tuv 1780-1849-69: *Andres* 1812 d, *Ragnhild* 1813-54-41 g 1838 m *Knut* Trondson Grøto, *Andres* 1814 bonde på Trøym, *Margit* 1816 g 1841 m *Ola* B. Viljugrein, *Sjugurd* 1819, *Halvor* 1820, *Ingerid* 1821 g 1848 m *Embrik* Grøto, bonde på Hølgjhaugji, *Sjugurd* 1823 rA, *Anne* 1826, *Sigrid* 1829-1903-74 g 1858 m *Eivind* O. Grøndale. *Andres* fekk garden g 1845 m *Birgit* Hulbak: *Gunvor* 1848, *Kari* 1850, *Ragnhild* 1852, *Hans* 1856. *Andres* med huslyden sin rA 1857, og *Jiggjer* Knutson nørde Trøym kjøpte garden. Han vart g 1864 m *Anne* Olsdtr Kyrkjebøn 1841-1918-77: *Ingerid* 1864 g m grosserar *Ola* Bjøbergo i Drammen (han døydde i slutten av 1920-åra, ho eingong i åra 1945-50), *Knut* 1866-1955 bonde på Trøym, *Mari* 1868

g m Vilhjelm Eidsgard i Gol, Odd 1871 rtA, vart g der og fekk ætt etter seg, Mari 1873 d, Mari 1875 d, Ola 1878 (sjå Rustehaugen 77-2), Barbo 1881 d. - Jiggjer Trøym var ein framme mann i bygden. Var med i det kommunale styre og stell og ein før seg mann på alle vis. Hadde sag, kvern og stampe i Trøymsån. Stampa vart mykje brukt i eldre tid dåvadmål, som dei vov sjølve, var so mykje brukt til klede. Jiggjer døydde av sukkersjuke, Anne i spanskesjuka. Knut fekk garden g 1891 m Gunvor Aslaksdtr Torset 1869-1927: Jiggjer 1892 d, Anne 1893 g m Ola Oddson Kyrkjebøn d.y., Jiggjer 1895-1963 bonde på Trøym, Margit 1897-1935 ugift, Asle 1900-21 ugift, Ingerid 1903 g m Trond Haug, Knut 1906-09, Mari 1908 g m Ola Haug. Knut hadde garden under utskiftninga og bygde uppatt etterpå. Jiggjer - han skreiv seg Jeger - over tok garden i 1929, g 1928 m Guro Rusto f 1899: Gunvor 1931 g 1957 m Arvid Myrland frå Bø i Vesteralen, tannlækjar i Oslo (dei har två born, ein gut og ei gjen te), Knut 1933 bonde på Trøym, Birgit Marie 1936 helsesyter i Oslo no gift med politimann Olav O. Anderdal, dei er busette i Asker. - Jeger bygde ei hytte heime på garden, vølte om husa, nydyrka jord og var ein sers flittig arbeidsmann. Selde tomter til postopnar Ingvar Grøthe (Fagerheim 67-37), Hemsedal kommune (Trøym skule 67-45,78 og Hemsedal Bygdaheim 67-60,75), versonen Arvid Myrland (Fiskum 67-93 på andre sida av Heimsil) og O. O. Kirkebøen jr. (Kirkebø III 67-62). Knut overtok garden 1960 g 1959 m Barbro O. Lien f 1938: Gro Ingun 1960, Jegeir 1963. Knut bygde nytt bustadhus 1975. - Garden har langstøl på Mørekvam og Brendesletten, den siste no nedlagd. Nokon heimstøl er ikkje i bruk no lenger. På Trøym sto den gamle tingstugo for heradet (loftsbygnad eller høgstugu, dei kalla). Ho vart seld til Hallingdal Folkemuseum på Nes og bygt uppatt der, og eit stabbur vart selt til Norsk Folkemuseum på Bygdøy. Båe desse skal vera frå 1500 talet. Ny tingstugu vart bygt på Trøym grunn ca 1900. Her var det og skulehus for Trøym krins til den nye skulen vart reist, bustad for klokkaren, losji for presten, kontor for heradskasseraren og for Hemsedal Sparebank m.m. Dette huset var i bruk som heradshus til det nye vart bygt og teke i bruk. Eit gamalt gards arkiv for Trøym er deponert i Statsarkivet, Oslo. (I fyrste utgåva av «Hemsedals Slektshistorie» er det under Trøym teke med resultatet av ymse heradstyreval m.m., s. 212. Dette høyrer meir heime i ei ny bygdebok for Hemsedal og er ikkje teke med her. Jfr. kapitlet om «Kommunen» i «Hemsedal» s. 95/105. Heller ikkje utdraget av eit bønnskrift til kongen frå bønder i Hemsedal. Originalen finst i Riksarkivet.)

Skeie

Gamalt bygselbruk under Trøym. Nedlagt omkring 1860.

Her budde Asle Jakobson (frå Skar) f 1750 g 1774 m Mari Olsdtr Imre f 1754: Margit 1775, Ola 1777-1853-77, Jakob 1779, Margit 1784, Ingerid 1787 g 1807 m Ola Torleivson Tubbun (som då var bruk under Trøym), Håkon 1789, Sjugurd 1792, Ola 1795, Halvor 1797. Ola d.e. bygsla Skeie g m Gunvor Halvorsdtr (omtala i «Hemsedal» s.52/61): Mari 1813, Asle 1815, Mari 1817 d, Torleiv 1823-1904-81 bonde i Purkestadhaugo. Skeie låg nord upp for der kyrkja ligg no. Kyrkja vart bygt på ei flat kjølve dei kalla Skeiekjølva.

Heggjidalen

Gnr 67, bnr 4, lnr 621 c. Nedlagt bruk.

Heggjedalen var eit lite bruk nær Skeie. Her budde Tomas Jonson Trøym d 1765, 64 år gamal. Han vart g 1735 m Kirsti Ellingsdtr, ein veit ikkje kvar ho var ifrå: Sigrid 1737 g 1756 m Ola Hansson Kyrkjebøenseigo, Jon 1740, Elling og Ingerid 1744 (tvilingar), Sigrid 1747, Lukris 1750 g 1782 m Per Hansson Trøym. Etter dei hadde sonen Jon bruket g 1770 m Anne Hansdtr Jordheim. Dei budde seinare på eit Løkjisbruk: Tomas 1771, Sunnev 1773, Hans 1776.

Haugen

Gnr 67, bnr 10, lnr 622 d. På Haugji.

Her budde Hans Monsson frå søre Venåsbakko f 1778 g 1812 m Kari Monsdtr Lien f 1790: Mons 1812, budde på Fuglehaugji, ein heim støl i Grøndale, Mari 1815 g m Jehans Grøto, bustad ukjent, Ola 1821-68-47 budde på Snikkerbrøta, Jørgen 1825, uppkalla etter Jørgen Venåsbakko. Jørgen fekk bruket g 1860 m Margit Halvorsdtr Tubbun f 1823. Dei hadde ein son: Hans 1861, som busette seg utpå bygdo. Jørgen var flink rosemalar. Måla ei tid alle pløggekister som skulde brukast til heimaføl. «Blant de mange vet jeg Kari Tuv, som kom til Glømsrud, hadde en av kistene» (HF). Dessutan måla han ei mengd smørstaup. - Mari og Jehans hadde två born: *Hans* 1848, *Jørønd* 1850. Kommunen kjøpte bruket då son til Jørgen ikkje vilde ha det. Ei tid budde det so ymse tilhaldarfolk på Haugji, mellom andre Torleiv Jonson Turrhaug f på Vøllo ca 1850 g 1881 m Guro Bjørnsdtr Rustehaugji f 1847. Torleiv var ein hendig kar: massingsmed, helleleggjar osv. Før han og Guro rtA, hadde dei ei dotter: Margit 1881. I matrikkelen 1886 står klokkar Grøthe oppført som eigar eller brukar, og

eigedomen blir der kalla Brøtoåkern. Då Ola Håkonson Fauskemoe 1847-1926 (sjå 82-10) kom att frå Amerika, kjøpte han Haugen og busette seg der. Han var ein sers flink murar, ikkje minst peismurar. Etter det han sjølv fortalde, sette han opp over 200 peisar og 100 stugumurar i bygden. Han vart g 1873 m Ingerid Bjørnsdtr Sjøheim 1852-1929: Håkon 1874-1951 vart att i Amerika, vart gift og fekk seg farm der, Kari 1878 g 1920 m Helge Person sande ved Trøym, Bjørn 1881-82-1, Barbo 1883-86-3, Bjørn 1886 d i Amerika visstnok 1907, ugift, Herbrand 1888-1967 overtok garden, Barbo 1890 g 1922 m Aslak Jordheim, Martin Selmer f ca 1892, kom heim att og vart bonde på Lauvset, Anne 1895 g 1918 m Johannes Fosli ved Vikersund, er død no. Herbrand overtok Haugen i 1926, g 1929 m Margit E. Huso f 1891: Ola 1931, postbod til Torsetsidun, Ingrid Margit 1934 g m Asle Roteigen. I 1946 kjøpte Herbrand langstøl på stølslaget Klanten (mellom Fete og Mørekvam), og ovafor husa heime fekk han seg heimstøl der han bygde fjøs og høyløe. Han nydyrka jord, vølte om husa og bygde hytte heime. Ved sida av gardsbruket var han vaktmeister ved kommunebygningen i ca 10 år, og han var ogso kyrkjeverje nokre år.

Brøto

Gnr 67, bnr 12, inr 623.

i Brøto. Skriveform: Bråthen.

Brøto ligg like sunna Haugen. Her budde Jørgen Knutson Imre 1793-1876-83 g m Ragnhild Ivarsdtr Rudningji f 1808: Knut 1830-86-56 bonde i Brøto, Ivar 1833-39-6. Knut, som overtok bruket, gifta seg då han var 55 år med Kari Torsdtr Jordheim 1840-1914-74. Året etter døydde han. «Kari blev den første, som døde, av dem som deltok i amerikafesten 4-6-1914. Kari fortalte meg ikke så litet fra gamle dager, da hun sommeren 1906 var budeie hos Ola Olson Eikre. Kari hadde før ekteskapet en søn: *Tor Knutsen* 1865-1946. Hans far var Knut Olsen Store-Jord heim» (HF). Tor overtok bruket g 1898 m Margit Eivindsdtr Lykkjebakka 1866-1938. Dei hadde ein son: Knut 1899-1968 bonde i Brøto. Tor var vegvaktar ved sida av gardsbruket. Knut tok over garden 1937 g 1933 m Kari A. Spildrejordet frå Gol f 1910. Knut har dyrka upp ein del på langstølen og har elles drivi med vegarbeid på riksvegen attåt gardsbruket. Born: Torbjørn 1934 g 1959 m Sissel Nymann frå Langesund, han har vore buss-sjåfør i Oslo (dei har ei dotter), Margit 1936 g m Ola O. T. Anderdal. Knut fekk ved utskiftning tillagt ein skogrem til sin eigen skog straks ovafor Trøymsgardane. Frå garden har han selt tomt til versonen Ola Anderdal «Solhøy») og til Kolbjørn Helgerud «Heimtun»). Garden har langstøl på Mørekvam. Torbjørn overtok eigedomen i 1973. Er fyrebels busett i Oslo. I 1975 bygde han nytt bustadhus.

Juve (Kvene)

Gnr 67, bnr 3, inr 621 d.

På Juven. Blir no ofast kalla: på Kven.

Bruket ligg på ein sate (terrasse) ved elva Juva. Før var det både eit bruk Juve (på Juven) 67-3 og eit dei kalla Kvene (på Kven) 67-11, der det ikkje no lenger bur folk. I nyare tid tok dei så til å kalle Juve Kvene, men det gamle namnet er brukt i skøyte og andre dokument frå gammalt av. Noverande eigar skriv Kveen. På Juven budde det ein Torstein Torgeirson Kroken (bruk under Brandvøl) 1740-1833-83 g m ei Anne Oldstr. Han var ein løgleg skruve, ein av dei snedigaste i bygden, munter og ordkåt trass i armoda og ei grinut kjæring. Dei har hermt etter han: «Dei soto tølv o tølv i ra på kyrkjybenkji. So tømte e at ingjin va så fin som dette fygle mitt. o så tenkte e at dersom e når i de, så fær e ein gudsendel. Men då e såg te, så va're eit sprak ifrå helvete.» Han var reinsskyttar, men hadde røynt at lagnaden kunna vera lunefull: «Det æ lykka som skyt,» herm de dei etter han. Anne var blid og søt mot han i livsens vår, men «surna i bømte» når det røynde på i striden for utkoma, som det kan gjera med nokon kvar, både kvende og mann. «Men kvinnene skal ha lettere for å surne. Psykologene sier, det skal komme av hennes psykologiske natur. De har lettere for å bli nervøse. Derfor har det dannet sig ordlag som: Ein brand kan ikkje brenne, men ei kjæring kan skjenne. Og: Dei veit alle råd før ei sinna kjæring so ner som han som har henne. Og Sirak sier: Jeg vil heller bo sammen med løver enn være i hus med en trettekjær kvinne» (HF). Torstein og Anne hadde: Torstein og Jon 1798 (tvilingar), Torgeir 1801 d. (Meir om Torstein i «Hemsedal» s. 52/61.) Jon 1798-1872-74 bygsla bruket, g 1) 1829 m Margit Embriksdtr Bekkjidale 1794-1830-36, dei var barnlause. G 2) 1833 m Sigrid Knutsdtr Vøllo 1802-55-53: Torstein 1834 bonde på Juven rtA, Torgeir 1837 rtA 1866, Ola 1839-59-20 omkom, låg død under eit møsalass, Jon 1842 d, Jon 1845 d, Knut 1846 d, Margit upp kalla etter fyrste kona, fødselsår ukjent. Margit tente på Trøym ei tid. Der erta ho eingong Keisar Dahl dei kalla, ein bygdararing som var kjend over store luter av Austlandet. Han hengde på seg all glurut stas han fekk tak i: klokke, kje, ringar osv. Folk hadde moro av å gje han slikt. Jamvel ein gamal sabel hadde han fått tak i. Så kunne han innbile seg at han var «keisar». Han var so redd for stasen sin at han ikkje torde

kle av seg om natta, men sov i ein stol. Margit tok ryggtak og la han i golvet. - Jon Juven var den siste mann i bygden som gikk og bad seg. «Jeg minnes ham, han gikk i den gamle drakt: koll-luve, grå sid-trøye med stand krage, svart knebukse, kvite sokker. På ryggen hadde han en meis til å ha almisser i. Jon var still og saktleg i framferd. Mjuk i talen. Når han hadde pratet litt, hadde han alltid for vis å legge til: Vil e meine. Dette ble en herme efter ham» (HF). Torstein, son hans, vart so bonde på Juven. Hadde faren vore stillferdeleg, var Torstein det motsette: støyande og bråkande, ein kvank dei kallar. Vart g 1864 m Barbo Halvorsdr Tubbun. Dei var barnlause. Til slutt reiste dei til Amerika. Med dei budde på Juven, hadde dei Anne, mor til Barbo, å forsyte. Om sommaren sat Barbo uppe på stølen, og då det lei på, kom Torstein og ei onnegjente frå Valdres, som tente hjå dei, ogso upp på stølen for å onne. Anne vart att heime og døydde medan dei var burte. «Hemsedøler! Vær god mot de gamle! Kom ihu, at I selv engang blir gamle og trenger hjelp! Salige er de barmhjertige, ti dem skal vederfares barmhjertighet. Det er mig fortalt at en døende mann her i bygden, som hadde veltet sig ut av sin seng, måtte ligge på gulvet om natten, da en mann nektet ham sin hjelp» (HF). Ola Ingvarson Lykkjebakko kjøpte egedomen då Torstein og Barbo drog til Amerika. Ola 1844-1932 vart g 1883 m Rangdi Aslaksdr Målarbrøta 1856-1926: Birgit 1883-ca 1956 g m Oskar Gabrielsen, Åssiden, Lier (dei hadde 6 born, ei gjente og fem gutar), Ingvar 1884-87-3, Gunhild 1886-ca 1957 ugift, fløtte ut or bygden, Ingvar 1888 bonde i Gjerde (sjå der), Oline 1890-92 d, Aslak 1892 rtA, Knut og Ola 1894 d (tvilingar), Oline 1896-ca 1953, g m Knut Skaga i Gol (fleire born som lever), Olaf 1898 har garden no, Karoline 1900 g m Lars Smeberg, Ørgenvika (dei har ein gut), Guri 1902 g 1927 m Arnt Mølteberg, Veme (har 4 born, alle gutar), Ola 1905 no bonde i Snikkerbrøta 67-8. Olaf overtok garden ca 1925 g 1928 m Guri K. Liheim f 1898. Dei har ingen born. Olaf har vølt om husa og nydyrka jord, han har og vore burte hjå andre på arbeid. - Garden har i eldre tid hatt langstøl i Trøysmbøtte, men denne stølen er seld for mange år sea.

Kvene

Gnr 67, bnr 11, lnr 622 e. På Kven.

Her budde Trond Andresson Sletten (Haugssletten) 1826-82-56 g 1856 m Liv Olsdr Haugo f 1827. Far til Liv var Ola Ingvarson Grøndale f 1797 og mor hennar var gjente Birgit Tomasdr øyn ved Viljugrein 1798-1883-85. Birgit budde lenge hjådotter si på Kven. Dei siste åra var ho blind. Døydde i Høgehaugji. Liv var reikjæring i lag og likferd og kokke samstundes, flink i sitt fag. Trond var kyrkjetenar. Når han ringde, sto han midt på golvet i den gamle stavkyrkja og ringde med taumar. Der sto han og ringde til messe sundag 5. mars 1882. Ved neste messe tre veker etter låg han i si grav, og Tomas, son hans, sto og skulde ringje. Han sag noko forfjamsa ut då han tok taumane og skulde ringje midt for augo på kyrkjefolket. Tanken på faren sin bråe død og burtgang frå heim og tenest gjorde vel ogso sitt. Før ekteskapet hadde Liv ei dotter med Ola Ivarson Alm frå Gran på Hadeland: *Birgit* 1854, ho vart i 1914 g m Hermund Teigji i Gol. Borna til Trond og Liv: Barbo 1857, Andres 1858, Embrik 1859-67-8, Knut 1861, Tomas 1863, Ingebjørg 1865 d, Embrik 1868, Ingebjørg 1869, Ola 1872. - Liv og borna rtA i 1885.

Sanden

Gnr 67, bnr 13, lnr 624.

På sande. Ogso kalla: Nedre Brøten.

Ligg på ei slette mellom Heimsil og Trøysman. I gamal tid vart bruket kalla nedre Brøten. Egedomen vart noko øydelagt ved storflaurnen i 1860. Trøysåne blir lenger uppe i dei tronge daljuva frå Trøysmbøtte og ned kalla Juva. På sande budde Todøkk dei fyrste åra han var lærar. Då han kjøpte Imre, vart sanden kjøpt av Per Andresson Haugssletten 1821-74-53 g 1857 m Sigrid Høllemeoe 1827-1914-87. Dei hadde: Andres 1858-1921-63 g 1893 m Liv Sletto 1846-1924 bonde på sande, Barbo 1863 g 1884 m Hans Snikkerbrøta, dei rtA, Marte 1866 g 1896 m Knut Myren (52-19), Ola 1869 rtA, Helge 1872-1948 g 1920 m Kari Olsdr Haugji 1878-1942 fekk ein lut av egedomen og bygde sin eigen heim der, sjå Helgestad 67-20. Resten av egedomen vart kjøpt av Ola Torleivsen Kirkebøen og Ola Oddsen Kirkebøen d.y. kring 1920. Her bygde og busette desse två seg på kvar si side av riksvegen. (Vedkomande Ola Torleivsen sjå Skogly 67-23.) Ola Oddsen f 1886 g 1915 m Anne Knutsdr Trøym budde her på sande fyrst. Men då det etter kvart vart eit bygdesentrum her med forretningar og nybygg, selde han hus og grunn til Hemsedal Meieri og bygde seg ny bustad: Bekkedalen 69-7 (sjå der) og fløtte dit. Der det gamle bruket sanden låg, er det no nesten tett med hus overalt.

Helgestad

Gnr 67, bnr 20. På Helgestad.

Helge og Kari Sande (sjå der) bygde Helgestad og budde der til sin død. Dei var barnlause. Dei selde egedomen til Olav Mykleset frå Grønlio i Gol 1897-1971 g 1941 m Liv O. Jordheim f 1901. Dei var barnlause, men tok til seg ei gjente: Åse Marie (no utfløtt og gift). Olav Mykleset kom til Hemsedal i 1941 og kjøpte Helgestad, bygde nye hus der, bustadhus 1946 og uthus eit par år seinare. Brukte sitt eige ættenamn. Han arbeidde for det meste på Kirkebø Sag og Høvleri. Frå 1949 var han kyrkjjetenar og medhjelpar for presten. Han var mellom dei leiande i det kristelege samlingslivet og blåkorsarbeidet. I 1972 vart egedomen selt til Guri Jordheim f 1929, som arbeider ved Televerket i Ål. No styrar av Evjens Minne i Ål. Leigebruar: Bodil Ellinor Taubøll frå Oslo f 1931, fri undervisnings- og musikk lærar. Barn: Baard Steinar 1962.

Haugo

Gnr 67 bnr 15.

i Haugo. Nedlagt bruk.

Bruket låg like ned for Trøym, på andre sida av Trøymån. Her budde Knut Sølvesan Trøymseigo d 1839 ca 35 år gamal, g 1832 m Margit Olsdtr Brandvøl 1802-53-51
Born er ikkje nemnde. Margit treivst ikkje der. Som enkje kom ho attende til Brandvøl, døydde hjå syster si, Ingebjørg Vøllo. Vidare er nemnt *Kristi*, syster til Knut, med barn: *Ola* Olson.
So budde i Haugo skulelærer Torleiv Gudtormson Jordheim 1808-99-91 g 1) 1832 m Margit Persdtr Hølle 1807-55-48: Margit 1833 g 1860 m Knut Hansson Halbjørshus, Gudtorm 1836 skulelærer rtA, Margit 1840, Per 1844 rtA. Torleiv vart g 2) 1858 m enkje Margit Olsdtr Hallsteinhuso i Grøndale. Ho vart kalla «Løva», for ho var ifrå Løvehaugji. Dei selde Haugo og fløtte til Hallsteinhuso og reiste derifrå til Amerika 1866. Tore Trondson Grøto f 1821 kjøpte Haugo g 1849 m Margit Olsdtr Hurra-bakko 1823-86-63: Jørønd 1850 g 1876 m Eirik Hølto, Barbo 1851 g 1873 m Ola Døkk, dei rtA, Trond 1853 g 1886 m Ingebjørg Hødn, ogso dei rtA, Birgit 1855-1925-70 g 1880 m Knut Hølto i Skars-haugji, Ola 1858 rtA, Margit 1861, Anne 1866 g 1887 m Knut Snikkerbrøta. Trond og Ingebjørg hadde i Hemsedal dottera: *Margit* 1888. Tore selde Haugo til ein skreddar frå Valdres, Ola Halvorson Storemarken, som i 1884 vart g m Anne Ingvarsdtr Venåsbakko 1843-1911-68. Dei var barnlause. Ola hadde lenge vore slåttekar i bygden om somrane og dreiv som skreddar vinters bel. Han og Anne var stillfarande, saktmodige folk. «Ola var av et sjeldent alvorlig væsen. Jeg omgikkes ham meget, så aldri at han lo eller «drog på smilen» engang. Efter konens død blev han sykkelig. Var en tid hos konens søster Birgit Skreddergarde i Gol. Kom so til Henrik Opheim, bror sin, som var lærer i Gudbrandsdalen (Henrik døde av blodforgiftning 12-10-1915, 53 år gammel). Ola kom så på et gamlehjem» (HF). - Jon Grøto kjøpte bruket, som sto øyde etter at Storemarken drog der ifrå.

Nordre Bygdheim

Gnr 67, bnr 5.

På nordre Bygdheim (nylaga namn).

Ola Knutson Bjøbergo f 1863 bygde hus og sette i gang med landhandleri her like ved «Lina» mellom kyrkja og sande. Var heradskasserar og postopnar ved sida av. G 1885 m Ingerid Jiggjersdtr Trøym f 1864: Ragnhild 1886 g m konstabel Per Markegølo i Drammen, Knut 1890. Ola med huslyd fløtte til Drammen og vart grosserar der. Då han reiste ut or bygda, selde han Bygdheim til Jon Asleson Grøto (63-13). Jon Grøto 1863-1927 (han skreiv seg Grøthe, ikkje Bygdheim) vart g 1893 m Gunhild Knutsdtr Bjøbergo 1874-1940, syster til Knut. Jon overtok landhandleriet og var postopnar og heradskasserar ved sida av, tok imot døds meldingar og les opp kunngjerigar på kyrkjebakka etter messun, slik som skikken var på den tid. Borna til Jon og Gunhild: Anne 1894-1969 g m Odd Martinson Danneborg frå Sverige (sjå BjørkIund 67-86), Asle 1896-1929 budde heime, ugift, Knut 1898-1973 overtok Bygdheim, Eirik 1900 rtA og fekk tilsetjing i postverket der, g 1) m Gunvor Intelhusbakko 1910-ca 1958 (dei hadde ein gut), og 2) m ei svenskfødd dame Vera, dei kom heim og busette seg i Hemsedal 1972, Knut d.y. 1902 g m Ida Hillestad frå Sogndal, bur på Nøtterøy (har teke til seg ein gut), Ola 1905 g m Guri Gunvaldgar i Lykkjun (sjå der), Ingvar 1907 postopnar, g m Ragnhild Storejorde (sjå Fagerheim 67-37), Ragnhild 1910-36 g m Syver Mo, Torleiv 1913-67 arbeidde i mange år på Christiania Spikerverk, døydde brått på ein fjelltur i Hemsedal påsken 1967. Knut overtok Bygdheim ca 1935 samen med det nedlagde gardsbruket Haugo 67-15, som far hans hadde kjøpt. Selde ein del tomter her. Likeso Øynatn (68-5), som var komne undå Kyrkjebøn og som far hans ogso hadde kjøpt (ligg på nedsida av riksvegen vest for Skogstad). Ogso her selde han tomter.

Søre Bygdheim

Gnr 67, bnr 18 og 11.

På søre Bygdheim (nylaga namn).

Her bygde Knut og Ragnhild Bjøbergo år seg på sine gamle dagar etter at dei overgav Bjøbergo til Eirik, son sin. Då dei fall burt, vart eignedomen kjøpt av Ola Jiggjerson Trøym f 1878 g 1908 m Ingebjørg Oldstr Kyrkjebøn f 1883, som budde der til dei bytte eigedom med Knut og Birgit Medgarde i Grøndale (sjå 86-8). Birgit og Knut - som var or Døkk - vart buande på Bygdheim til sin død. - Ola Trøym dreiv landhandel. Då han fløtte åt Grøndale, selde han landhandleriet til Ola Olson Kyrkjebøn, bror til Ingebjørg. Borna til Ola og Ingebjørg: Jiggjer 1909-18-9, Ola 1910, Knut 1912, Odd 1915, Anne Margit 1916, Gunvor Marie 1919, Jiggjer 1922. Birgit 1868-1952 og Knut 1882-1958 (som skreiv seg Dokk) hadde två born: Birgit 1908 g 1952 m Knut O. Trøym f 1912, hadde dottera *Margit* f 1931 frå fyrste ekteskap. Ho vart g 1956 m John Pierre Larsen frå Drammen (dei har två gutar dei har no Bygdheim, Sebjørg 1909 g m Olav sarheim, dei bur ved Roa (har två gjenter). Knut og Birgit Trøym overtok Bygdheim etter hennar foreldre i 1954. Knut har drivi med mink og andre pelsdyr attåt gardsbruket. Han har vølt om bustadhusa på Bygdheim. Då Knut og Birgit Døkk fløtte or Medgarde, tok dei undå Sørstølen på vestsida. Til sør Bygdheim høyrer ogso Jakupøyne ved Heimsil like nedafør det nye kommune- og samfunnshuset. Sør Kvene 67-11 høyrer ogso no til sør Bygdheim.

Snikkerbrøten

Gnr 67, bnr 8, lnr 622 b.

I Snikkerbrøta. No vanleg skrivi Bråthen.

Bruket ligg i skogen vest for sande. Ola Hansson Trøymshaugji 1821-68-47 budde her. Han var snikker, og bruket vart difor kalla Snikkerhaugen, seiest det. Han vart g 1851 m Guri, dotter til den Ola Jonson som følgde med mor si Guri Røtneim 1826-1903-77 då ho vart gift til Trøym 67-1. Dei hadde: Kari 1851, Hans 1852 g m Barbo sande, dei rTA (i Hemsedal hadde dei: *Ola* 1884 rTA), Ingerid 1853 budde på Sletten i Lio, Mari 1853 (tviling) g m Per Sletten i Lio, Guri 1855 (med tre søner: *Ola* Jørgenson 1876, *Johannes* Karlson 1879-92-13, *Hans* Helgeson 1883, Johannes drukna), ho vart g m vegarbeidar Karl Johannessen utpå bygdo, Knut 1857-1941 bonde i Snikkerbrøta, Knut 1860-1905-45 bonde i Purkestadhaugo g 1896, Jon 1864 -1937 handelskar, kjøpte Skøyten (89-8) og vart bonde der. Knut d.e. fekk garden g m Anne Toresdtr Haugo 1866-1961: Guri 1888 g 1914 m Kristian Svensen, Våle ved Tønsberg, Mari 1890 g m Johan Larsson, Oslo (barnlause), Oline 1894-1956 ugift (sjå Slettemoen 66-5), Kari 1897 d, Kari 1898-1926 g 1923 m Sverre Øverbye, Holmestrand (han døydde straks før Kari, dei hadde ei dotter: *Anne Irene* 1924 g m Hallgrim Røang frå Valdres (sjå Slettemoen 66-5), Margrete 1901 g 1932 m Harry Ås, Oslo (barnlause), Ingerid 1904-32 ugift, budde i Oslo, Birgit 1908 g 1932 m Ola O. Kven (Juven) f 1905, barnlause. Birgit og Ola overtok garden i 1934. Ola kjøpte seg støl i Bulien ca 1944 hjå Peder O. Fekene, og har nytta denne som støl. Nokre år seinare kjøpte han ein støl til i Bulien av Kristen Venthe, her har han bygd om bua til hytte, som han leiger ut. Har dessutan selt ei tomt til Johannes Person frå Hønefoss. Heime har han selt ei tomt til Jørgen Hansen. Garden har ingen heimstøl. Ola har halde jord og hus i god stand og vore ein sers dugande arbeidsmann.

Fiskum

Nedlagt bruk. Ikkje matrikulert.

Bruket låg sør for Snikkerbrøta. Nedlagt omkring 1865 (KOG). Her budde Knut Embrikson Bekkjidale d.y. f 1789 g 1826 m Margit Nilsdtr Kyrkjebønseigo d 1859, 73 år gamal. Dei hadde ei gjente: Margit 1830. Bruket hørde til Trøym.

Sør Fløgo

Gnr 67, bnr 9, lnr 622 c.

I Fløgo. Vanleg skriveform: Flaget.

Ligg under bratte bergflog ved foten av fjellet Tåtten i ei fin hall imot morgonsola. Her budde Ola Sveinson Rudningji f 1792 g 1819 m Ingerid Halvorsdtr Rusto f 1784: Svein 1819 d, Margit 1822 g 1845 m Embrik Bekkjidale, Anne 1825-91-66 g 1848 m Ivar Asleson Anfinhaugji. Sea budde i Fløgo Eirik Eirikson Bjøbergo, son til Eirik Knutson Bjøbergo, f i Ål, g 1841 m Sigrid Nilsdtr Hustad. Det var dubbeltbryllup på Hustad 18-4-1841 med di ogso Kari d.y. då vart g m Per Høllebakka. Deretter kom Ola Torson Rusto d.y. til Fløgo. Ola 1828-1916-88 vart g 1859 m Anne Aslesdtr ØndredaI1833-1912-79. Han og like eins Lars, bror hans, dreiv med sauehandel til dei var høgt upp i åra. Ola og Anne hadde: Tore 1859-1938 bonde i Fløgo, Asle 1862 g m Birgit Purkestad og fekk gard med henne (76-2), Birgit 1866-1943, ugift, budde på sande, Per 1869-1916.47 døydde brått, Ola 1872-1953, ugift, sag- og møllermeister i mange år «Fløgen» dei kalla), Sigrid 1875 g 1901 m Ola nørre Fløgo. - Per

tente i mange år hjå Eirik Haug. Den 3. mars 1916 var han burtom åne etter eit vedalass. Då det drog ut før han kom attende, reiste Trond, son til Eirik, stad å leite etter han, og då sat han død ved vedakosten. Tore fekk garden g 1896 m Birgit Tørkjellsdr Tørkjellhaugji 1859-1945: Ola 1897 bonde i Fløgo, Tørkjell 1905-32 ugift. Ola fekk garden g 1921 m Margit Torleivsdtr Kyrkjebøn f 1894. Han kjøpte i 1959 Martestølen av Olav E. Fekene på Evang 66-6. Martestølen ligg straks sør for Pløgo og er frå gamalt ein husmannsplass som har gått i handel. Ola bygde nye uthus i Fløgo, og sette opp ei hytte til utleige i Hølleskaret, der garden har langstøl. Har ogso nydyrka ein del jord. Hadde garden til sonen overtok i 1961. Borna til Ola og Margit: Birgit 1922 g 1947 m Harald Haagensen, Oslo, som driv eige trykkeri der (dei har ein gut og två gjenter), Magnhild 1925 g m Knut K. Kirkebøen, Tora 1927 g m Ola L. Eikre, Anne 1928 g 1958 m handelsbetjent Kjell Langen frå Raufoss (dei har teke til seg två fosterborn), Torbjørg 1930 g 1949 m Arne L. Eikre, driv forretning i Drammen (har två gutar og ei gjente), Torkild 1933 g 1958 m Ragnhild Birgitte Lien i Gol der han driv som yrkessjåfør (dei har ei gjente), Borghild 1935 g 1962 m Arne Thorvaldsen i Bærum (har teke til seg eit fosterbarn), Kjell 1937 bonde i Fløgo, Magne Olav 1939 (sjå Myrmo 68-49). Kjell overtok garden 1961 g 1965 m Sissel Haydn. Dei har: Tore 1966, Lisbeth 1968, Lasse 1973. Kjell har bygt både bustadhus og driftsbygning. Om vintrane har han og kona hans drivi skiskule. Han er bygningssnikker og driv med hyttebygging attåt.

Nørdre Fløgo

Gnr 67, bnr 2, lnr 621 c.

I Fløgo. Skriveform: Flaget.

Nils Nilsson Hustad 1801-72-71 g 1828 m Anne Olsdr Kyrkjebøn f 1805 budde ei tid i nørdre Fløgo. Dei kom seinare til Torsethaga, der døydde Nils. Då dottersonen Nils Olson fløtte til Hippe i Valdres, vart Anne med dit. Borna til Nils og Anne: Ragnhild 1829-31-2, Ragnhild 1832, Barbo 1834-36-2, Barbo 1835 g 1859 m Ola Jegerhaugji, Nils 1837 d, Nils 1838 d, Ingerid 1841, Nils 1843 d, Nils 1846 d, Ingerid 1848. So budde det ein svenske der, Henrik Danielsson g 1871 m Anne Nilsdr. Han var kaparsmed, ein venleg mann, dei rtA. Born: Daniel 1871, Lars 1873, Lars Edvard 1876. Fløgo vart so kjøpt av Knut Olson Rudningji 1853-1936, g 1847 m Barbo Halvorsdr Heggjistad 1848-1933: Ola 1873-1945 bonde i Fløgo, Halvor 1882 vart g m Margit Renslun i Gol og fekk gard med henne. Ola fekk garden g 1901 m Sigrid Olsdr i søre Fløgo 1875-1961. Det heiter at grannane «sjelda byte hesta og gifte bødno», men her hende det. Ola var ein uvanleg onnug og idig arbeidsmann. Bygde hus og dyrka opp jord. I 1915 kjøpte han langstøl på Storeskar hjå Engebret Fekene, og i 1920 kjøpte han heim støl hjå Anne Bakko i Kvelve. Dette er no stølane til garden. Borna til Ola og Sigrid: Knut 1902 bonde i Fløgo, Barbo 1905-71 g 1933 m Ola Blingsmo, Nes (dei hadde ei dotter), Anne 1910 g 1945 m Lars Espegard i Ål (dei har två born), Margit 1912 g m Ole Stillingen (hjå Fagervoll 68-13). Her budde ogso Sigrid den siste tida ho levde. Knut overtok garden 1929 g 1928 m Birgit S. Kirkebøen f 1900. Han har nydyrka ein del jord og bygt hytte til utleige på Storeskar. Borna til Knut og Birgit: Sigrid 1930 g 1972 m Emil Lien, Ingebjørg 1933 husstellærarinne, Ola 1935 bonde i Fløgo. Ola g 1958 m Ingeborg P. Rustberggård frå Gol var ei tid lagersjef i Oslo, men overtok so garden. Han fløtte gardstunet heimover til eit jorde ved Bråten. Der bygde han bustadhus 1969 og driftsbygning 1972. Han har planert og dyrka opp mykje jord. Ein driftig og flink kar som bygda har nytta til mykje m.a. formann i bygningsrådet. Borna til Ola og Ingebjørg: Kari-Birgit 1959, Sigrid 1961, Knut 1964, Marianne 1969. Sigurd 1936 g 1960 m Olaug Feten, Ål. Har tre born: Bjørg Åshild 1960, Ingunn 1962, Karin 1963. Sigurd er busett på Ål og er formannskapssekretær.

Skogly

Gnr 67, bnr 23.

På Skogly. Nyare bustad.

Ola Torleivson Kyrkjebøn 1883-1962 g 1914 m Margit Arnesdr Viljugrein 1887-1966 kjøpte ein lut av sande (67-13 sjå der) og bygde seg bustad der kring 1920, og kalla det Skogly. Han var postbod (postgut som det heitte i Hemsedal) i 40 år og fekk Kongens fortene-medalje for dette i 1949. Han var kommunemann, skjønsmann og ogso heradskasserar nokre år, ein venesæl og framsynt mann, driftig og aktiv på mange felt. Nydyrka jord mellom andre stader på Skeieøygarde sør for Fløgo, som han kjøpte. Han bygde hus og starta med sagbruk som med tida vart ei stor verksemd. Han kjøpte langstøl i Hyddale, som han seinare selde til Amund Lorange i Oslo. Kjøpte so langstøl på Ershøvd 1928 og ikkje lenge etter heimstøl m.m. i Heimdale. På austsida av Heimsil, utmed Hjelme, kjøpte han ein skogrem (Skogliremmen) og på vestsida utmed kommuneskogen Vestliskogen. Då garden søre Skar 60-1 vart selt i 1942, kjøpte han denne sammen med två andre og vart eigar av omlag halvparten,

deriblant stølen til garden.

I 1953 kjøpte han gardsbruket Skarshaugo 60-5, 6, men eit bustadhus med tomt og ei dyrka myr vart selt til andre. Han kjøpte ogso garden søre Skølt samen med versonen Lars L. Markegård (men Lars vart seinare eieeigar av denne garden). Attåt sagbruket starta han produksjon av forskalingsjerner (ca 1953). Han bygde, leigde burt og sea selde han huset til Hemsedal Forbruksforening, likeso fleire tomter der omkring. Ola ståka med alt dette til han i 1960 overlet det til sonen. Borna til Ola og Margit: Margit 1915 g m Lars L. Markegård, Anne 1917 butikkdame i Hokksund, Torleif 1920 som overtok verksemdene, Arnhild 1925. Torleif g 1953 m Alma Prestgardhuso f 1927 har kjøpt två gardsbruk til: Skarshaugo 60-3 og 13 og Jorde (Torsetjorde) 61-8 og 17. Har bygt hytte på Ershøvd og held fram med sagbruksdrifta. Han har selt fleire tomter på eigedomane sine. Borna til Torleif og alma: Ola Magne 1953, Gunn 1958.

Frå eldre tid finn ein desse nemnde:

1. Halvor Olson og Olaug Monsdtr-

Venåse. «Familjen var nogen flyttfugler av første skuffe» (HF). Då dei gifta seg i 1803, vart dei skrivne for Haug, og då dei fekk ei dotter sama året, vart dei skrivne for Trøym, i 1806 for Kyrkjebøn, 1809 for Grøndal, 1812 for Purkestad og i 1815 for Trøym att. Dei hadde: Liv 1803, Jørgen 1806, Mons 1809, Mons 1812, Mari 1815. 2. Sjugurd Mekkelson Trøym og Sissel Henriksdtr g 1809: Kari-1829.

3. Hans Olson og Ingerid Olsdtr Trøymseigo g 1826: Ola 1826, Ola 1829.

4. Ivar Herbrandson Trøymseigo d 1831 g 1829 m Guri Olsdtr Hallbjørshus d 1834. Ingen born nemnde.

5. Ola Olson g 1730 m Anne Trondsdr Trøym: Knut 1730. Ola døydde 1740. Ved skifte etter han ved skrivar Paludan i Torleivsgard på Nes 22-2-1740 møtte for lensmann Ola Markegølo i Hemsedal sonen Ola Intelhus og takstmennane Torstein Viljugrein og Halvor Løkji. I buet var det m.a. 1 borse, 4 kyr, 3 kviger, 8 sauer og til gode hjå Bjørn Frøysåk 20 rdl.

Andre døde på Trøym:

Margit Sjugurdsdr 1702. Ola Trøym 1740, 36 år gamal. Barn: Ola Jonson 1745. Birgit Eiriksdtr 1748. Ingerid Trøym 1752. Knut Trøyms barn 1760, 10 år. Gutebarn på Trøym 1765, 6 år. Sjugurd Larsson 1766, 70 år. Gjentebarn på Trøym 1766, 6 år. Kari Persdtr 1767, 78 år. Barn: Kari Knutsdtr 1770. Guri Sveinsdtr 1773, 57 år. Gutebarn på Trøym 1778. Barn på Trøym 1785. Fattiglem Birgit Tomasdr Trøymsplasse 1817, 80 år. Fattiglem Mari Hansdr Trøymsplasse 1820, 87 år. Kari Knutsdr Trøymsplasse 1820, 56 år. Legdslem Mons Hallsteinson Trøymsplasse 1825, 82 år. Margit Embriksdr Trøymseigo 1830, 34 år. Ingebjørg Knutsdr Fløgo 1842, 80 år. Livaurekone Margit Aslesdr Trøymsplasse 1832, 66 år. Tilhaldar Torleiv Nilsson Trøymseigo 1832, 70 år. Legdslem Anne Jonsdr Trøymsplasse 1842, 80 år. Legdslem Birgit Hansdr Trøymsplasse 1843, 20 år. Fattiglem Knut Olson Trøymsplasse 1842, 13 år. Tilhaldar Ola Olson 1855, 84 år. Fattiglem Ola Jonson Trøymsplasse 1855, 63 år. Gardmann Sjugurd Gudleik-son Juven 1858, 66 år. Barn: Ola Jehansson Kven 1882. Legdslem Hans lvarson 1859, 98 år.

Villastrøket matrikulert under Trøym

I nyare tid er det selt tomter og reist ei heil grend med forretnings- og bustadbygg på det som i gamal tid hørde inn under Trøym - det aller meste etter krigen. Det har vakse fram eit villa- og forretningsstrøk. sams for dette strøket er at eigarane ikkje driv nokon jordveg i vanleg forstand og at vedkomande eigar brukar ættenamnet sitt og ikkje tek namn etter bustaden, slik som skikken jamt var i gamal tid.

Namna på desse bustadane er alle ihop nylaga namn. Dei kan brukast med preposisjonen «på»: På Haugtun, på Granheim osv. Men jamnast seier folk i grenda: Hjå N.N. (namnet på eigaren). Strøket har til no (1975) desse bustadene nemnde i nummerorden etter gards- og bruksnummer med Bygdaheimen til slutt:

Kirkebø

Gnr 67, bnr 27 og 77.

Ole O. Kirkebøen 1889-1974 g 1919 m Anne S. Kirkebøen f 1897 kjøpte butikken og bustadroma her på nedsida av riksvegen, som før hørde søre Bygdheim til. Han busette seg her og kjøpte attåt ein parsell på sama sida av riksvegen. Ikkje lenge etter reiv han ned desse husa og bygde ny butikk med bustadrom på sama staden. Her heldt han fram med butikken til i 1937, då han bygde ny bygning like ved og fløtte butikken dit. I 1940 overtok sonen butikken, som seinare vart fløtt over til hans eige hus.

Elles har Kirkebøen nytta båt bygningane til utleige for gjester, især i påsken og om sommaren. Uthus har han og bygt tre gonger. Det fyrste brann ned, og det andre vart ikkje gamalt det heller. I 1918 kjøpte han Grønøyne (67-24) av John A. Grøthe og på auksjon ein støl, Hestehaugen 88-10, som ligg i Mørkedale. Her vølte han om stølsbua og utvida henne, bygde høyløe og fjøs. På stølsvollen bygde han tre hytter, ei til kvar av ungane. Både her og på Grønøyen har han dyrka opp jord. Han var med i kommunestyret og formannskapet i Hemsedal i 29 år, derav 26 år som ordførar. Vidare var han heradskasserar ei tid og bankkasserar i godt og vel 47 år. Dessutan var han medlem av fylkesutvalet og med i mange kommunale styre og råd, ofte som formann. Skjøns-, doms- og lagrettemann. For si lange tenest som ordførar vart han tildelt Kongens fortjenestmedalje med diplom i 1959. Born: Ola 1920 g m Gerd Rigmor Berg frå Oslo (sjå Kirkebø III 67-62), Margit Sofie 1925 g 1952 m Nils G. Viko, Rust, frå Gol, han er no underdirektør i Norges Kommunalbank i Oslo og ho er lærarinne (dei har ein gut og ei gjente), Ingebjørg Gudrun 1930-31, Ingebjørg Gudrun 1933 handarbeidslærarinne g 1958 m forsøksleiar Stein Frogner frå Vang, Hedmark (dei har ei gjente).

Granheim

Gnr 67, bnr 32.

Det var Trond Kirkebøen som kjøpte tomt av Andres Trøym og bygde her i 1928. Før hadde han og mor hans butt på Kyrkjebøen etter at far hans - som var ifrå Nygard - fall ifrå 1911. Rangdi, mor hans, 1886-1941 var frå Kyrkjebøen. Trond f 1909 vart i 1941 g m Frida Emilie Riberg frå Oslo f 1909. Han tok tidleg til som handels kar - skinnhandel, fehandel og anna - og handelshugen har helde seg fram igjennom åra. I 1936 tok han til med pelsdyral, fyrst som deleigar, men frå 1946 som eieeigar. I 1959 bygdehan ein endå større pelsdyrfarm på garden Nørdre Vøllo (85-2), som han hadde kjøpt av Knut O. Vøllo i 1955. Fossefallet som høyrde garden til, og eit bustadhus, selde han til Oslo Lysverker, som bygde kraftstasjon der i 1957. Knut Vøllo hadde teke undå noko eigeidom, men heimstølen på Helgeset og langstølen på Sotelistølo følgde med i handelen. I 1956 kjøpte Trond garden Dekko (82-8) i Grøndale av Birgit Dekko, men selde att husa heime på garden 1957 og sea meir på stølane. Dekko hadde frå gamalt langstøl i Nord-Hyddale, Vabuleino og Fjellstølo. I 1957 kjøpte han ogso garden Groset (82-2) i Grøndale av Julius Brekk, som nokre år fyreåt hadde kjøpt han av Trond Groset. Garden Groset hadde langstøl i Bulien og på Ragnhildset. Husa og dei gamle tuftene uppe i Groset har han selt, likeso stølsbua på Ragnhildset. I 1960 kjøpte han garden Heggjistad (86-9) av Halvor Heggjistad. Denne garden hadde langstøl på Klante, men husa her har Trond selt. Han har ikkje husdyr lenger på nokon av gardane, men har samla seg om turistnæringa, selt mange tomter rundt omkring på eigeidomane sine og bygt over 35 hytter til utleige på Helgeset-Dekko området, her er det og butikk. Sonen Ole Johan f 1943 g 1971 m Britt Svindland frå Eidsvoll driv no sammen med far sin i Grøndale. I 1969 bygde dei den fyrste plast-slalåm-bakken i landet og likeein skiheis «Solheisen»). I 1971 vart Hemsedal Skisenter starta sama staden, og i 1972 vart det bygt kafe. Soleis har det skjedd store forandringar i denne grenda som for nokre år sidan ikkje åtte skikkeleg veg.

Hemsedal Meieri

Gnr 67, bnr 35 og 53. Gamlemeieriet.

På øvre sida av riksvegen, like inntil Trøymsan, kjøpte andels eigarane tomt hjå *Hemsedal Meieri* 1929. Det tok til med drifta 1930 og heldt fram der til det i 1957 fløtte over i nytt bygg på andre sida av riksvegen. Det gamle huset vart selt til Hemsedal kommune og nytta av Hemsedal kommunale Elektrisitetsforsyning, som her fekk kontor, utstillingsplass og lager i søre fløyen. I nørdre fløyen fekk Hemsedal Bakeri og Konditori leigd rom til verksemda si. I februar 1968 brann «Gamlemeieriet» og vart sopass brannherja at det laut rivast. Tomta vart så seld i 1972 til *Hemsedal Sparebank*, som har reist nytt bankbygg her. Der er det plass for fleire forretningsverksemdar.

Bankbygget

Gnr 67, bnr 35. «Bankplassen.»

Her er det husvære for: Hemsedal Sparebank, ekspedisjon og kontor, Postverket (postkontor), Hemsedal Sportsforretning, Hemsedal kommune (tanklinikk), Hemsden A/S (manufaktur/trikotasje. Kirkebø sag & Høvleri har 1/4 av bygget avdelt vertikalt. Her er det kontor og forretning for Kirkebø sag, og her har Leif Juvet sin daglegvareforretning. Bygget vart påbyrja i april 1973 og teke i bruk 1. juni 1974. Det er på tre høgder med til saman 1331 kvadratmeter golvflate. 15-20 personar har sitt arbeid i bygget til vanleg.

Hemsedal nye meieri

Gnr 67, bnr 30 og 63.

Då bygging av nytt meieri kom på tale, vart det til det at Hemsedal Meieri kjøpte Sanden med hus og grunn av Ola O. Kirke. bøen dy., skaffa seg meir tomteareal like ved sida og reiste *nytt meieribygge* på denne sida av riksvegen. Det vart teke i bruk 1957. Det var noko av eit økonomisk lyft bøndene i Hemsedal då gjorde. I øvste høgda i meieribygningen er det bustadrom for meieristen. Her bur no Oskar Dekko, som arbeider ved Meieriet (sjå Dekko i Grøndale). I bustadbygningen til Hemsedal Meieri, den som Ola A. Kirkebøen d.y. bygde og budde i fyrst, budde so Olav Eggestøl frå Borgund f 1926 g 1951 m Tora H. Mythe f 1931. Born: Ove 1951, Harald 1953, Anne Margrethe 1958, Britt Solveig 1960. Olav Eggestøl har vore ved meieriet frå 1949. I 1975 bygde han seg eigen bustad, *Seljevegen 12 (68-90)*.

Fagerheim

Gnr 67, bnr 37.

Eigar: postopnar Ingvar J. Grøthe. Han kjøpte tomt hjå Jeger K. Trøym i 1932 og bygde so kombinert bustadhus og posthus, som han fløtte inn i og tok i bruk då det sto ferdig. Ingvar tok til med postarbeid hjå far sin og var ogso landpostbod til Torsetsida nokre år. Då far hans fall ifrå, vart han fyrst konstituert i två år og sea fast tilsett som postopnar. Før han fekk upp sitt eige hus, heldt han til på nørde Bygdheim. Hemsedal telefonsentral vart teken i bruk i 1931, og Ingvar vart styrar for denne i samdrift med postkontoret. Før var det telefonsentral på Ullsåk og Tuv. Ingvar var styrar til i desember 1962 då Signe Langehaug overtok sentralen, som då vart fløtt til Ullsåk. Ingvar heldt fram som postopnar til ved oppnådd aldersgrense 1974. Dessutan tek han imot dødsmeldingar. Han har ogso vikariert som organist i kyrkja. Ingvar f 1907 vart g 1931 m Ragnhild Storejorde f 1901. Born: Johnny Olav 1932 g 1957 m Gunhild Hesla frå Malvik ved Trondheim, han er tannlækjar i Oslo (dei har två gjenter og två gutar), Mikael Georg 1937 g 1964 m Bjørg Vikse frå Haugesund, han er ogso tannlækjar i Oslo (dei har ei gjente og två gutar).

Lunheim

Gnr 67, bnr 43.

Eigar: Hemsedal Forbruksforening.

Det var O. T. Kirkebøen som åtte tomte og reiste bygningen her. Men i 1933 starta *Hemsedal Forbruksforening* handelsag leigde bygningen til i 1937, då Forbruksforeninga kjøpte både hus og tomt. Fyrsteformannen i Hemsedal Forbruksforening var Syver T. Kirkebøen. Handelsstyrarar har vore: *Jørgen Husemoen* frå Nesbyen til 1934, *Sigurd Livgard* frå Nesbyen vidare fram til 1950. Frå 1950 *Peder Snerthe*. I styrarbustaden i andre høgda budde handelsstyrar Peder Snerthe f 1907 g 1932 m Birgit S. Bråthen frå Gol f 1909. Born: Kari 1935 g m Hans Listau frå Luster i Sogn, Erik Birger 1943 g m Marta Husum frå Borgund. - Peder Snerthe var handelsbetjent på Hemsedal samvirkelag i mange år og nokre år styrar på Hostvedt samvirkelag i sandsvær. Frå 1945 til 1948 disponent for A/S Hemsedalsbilane. Skjønsmann. Då han slutta som styrar for Hemsedal samvirkelag avd. 2 ved oppnådd aldersgrense 1975, bygde han samen med sonen Erik Birger eigen bustad: «*Granolund*» (67-99). - Som ny avdelingsstyrar etter Snerthe vart tilsett *Ola Brandvoll*. På Lunheim bur no Ove Eggestøl f 1951, g 1969 m Tove Irene Olsen frå Askim f 1948. Born: Monica 1970, Geir Ove 1973.

Trøym skule

Gnr 67, bnr 45.

Eigar: Hemsedal Kommune. Her (i lærarbustaden) bur: Håkon Linde frå Vik i Sogn f 1939. Han er lærar ved Hemsedal barne- og ungdomsskule.

Solvang

Gnr 67, bnr 44.

Eigarar: Margit og Gunvor Thorset. Dei kjøpte tomt hjå Ola A. Kirkebøen d.y. og bygde seg hus der (på nedsida av riksvegen) i 1937. Margit f 1890 ugift. Gunvor f 1904 ugift. Frå 1925 til 1949 dreiv dei butikk (manufaktur) i bygningen sin. Margit dreiv og som sydame ei tid. Dei har no i mange år leigt burt ein del av bygningen sin til butikk, sist til filial for Storla Bakeri i Gol.

Skauen

Gllr 67, bnr 46.

Eigar: Engebret T. Hjelmen f 1902 g 1938 m Erna Helene Skauen frå Balsfjord i Troms f 1909. Born: Torbjørg 1943 g 1965 m Per Ugland, Halden (har två gutar og ei gjente).

Engebret kjøpte seg tomt av O. T. Kirkebøen, bygde bustadhus (1940) og deretter uthus. Kjøpte 1946 det før nedlagde bruket Enden (86-19) øvst i Grøndale og i 1954 Hensrudmyre (57-11) sør for Hensrud. Arbeidde i 16 år på Hemsedal Meieri, men frå 1947 har han for det meste arbeidd på Kirkebø Sag og Høvleri.

Solberg

Gnr 67, bnr 54.

Eigar: Iver T. Svare. Han kjøpte tomt av Knut i. Grøthe i 1942 og fløtte opp hit ei gamal stugu eit par år etter. Denne stugo vart innebygt i det nye bustadhuset, som var ferdigt til innfløting i 1958. Då fløtte Svare med huslyd inn i eige hus, dei hadde før butt i det gamle meieribygget. Iver T. Svare f 1902, g 1932 m Alice Marie Hjelseng Olsen f 1906. Han var frå Vågå og ho frå Hadsel i Nordland. Etter endt utdanning var Svare i två år på Jæren og kom så til Hemsedal som meieristyrar i 1930. Sama året kom alicen til Hemsedal som meierske. Dei slo seg i lag og vart verande i bygden. Han sto som styrar for meieriet i 41 år til han slutta i 1970. Svare var sers dyktig i sitt yrke, hadde allsidige interesser og fekk mange tillitsyrke i kommunen. Han var ogso med i heimestyrykane. Han og kona hans var två som bygdefolket fekk mykje med å gjera, og dei vart sers godt likt av alle. Born: Kari Gerd 1933 g m Ola E. Halbjørhus, Tor 1934 g m Tina Rusten frå Lom, dei fløtte til Gol, Astrid Grete 1943 g 1962 m Bjarne Nilsen frå Danmark (sjå «Svaet» 67-115).

Frydenlund

Gnr 67, bnr 56.

Det var *Hallgrim Røang* som kjøpte tomt her av Andres Trøym og bygde bustadhus i 1942-43. Men i 1957 selde Røang huset og tomten til Karl Gjerde, som sea har butt her.

Karl Gjerde frå Gjerde i Eikre f 1926 g 1956 med Bergljot Venås f 1929. Born: Liv og Gro 1958 (tvilingar), Øivind 1964. Karl var lagersjef hjå A/S Ingeniørbygg, i mange år vaktmeister ved Kommune- og samfunnshuset, men slutta i 1972 og arbeider no på Kirkebø Sag og Høvleri. Bergljot er utlært sjukepleiar og vart i 1972 tilsett ved Bygdaheimen der ho var styrarinne 1972-74.

Sanderud

Gnr 67, bnr 57.

Lars L. Markegård fekk seg tomt hjå verfar sin, O. T. Kirkebøen, bygde smie 1937, bustadhus ferdig 1941 og uthus seinare. Han valde smedyrket og har hatt sitt meste arbeid med det. Frå 1938 medeigar i Kirkebø sag med ein tredjepart. Kjøpte samnen med verfar sin søre Skølt 52-20 i 1953 med ein halvpart på kvar, men overtok heile eigedomen frå 1960. Før hadde Ola, bror hans, vore i Skølt. Lars er skjønsmann og brannsjef i Hemsedal Brannvern. Møtte ved mobiliseringa i 1940, men slapp heimatt då han ikkje var ved infanteriet. Var med i heimestyrykane. Lars f 1911 vart 1936 g m Margit O. T. Kirkebøen f 1915. Born: Anne Marie 1936 g m Gunnar Haug, Leif 1938-39, Oddlaug 1941 g 1967 med Anton Langødegård frå Bagn, no tilsett i Nes Sparebank, dei bur på Nes (har ein gut), Leif 1949 g 1970 m Anne-Gro Leines, Larvik f 1948 (dei har två born).

Kirkebø III

Gnr 67, bnr 62.

Eigar: Ola O. Kirkebøen junior. Han kjøpte tomt hjå Jeger K. Trøym og bygde kombinert forretnings- og bustadbygg, som han tok i bruk i 1940. Butikken overtok han etter far sin i 1940 (sjå 67-27,77) og dreiv då der til han fløtte inn i eigne hus. Dei vart utvida og attåtbygd i 1957. I Hestehaugji i Mørkedale har han bygt hytter til utleige. Ola f 1920 vart g 1949 m Gerd Rigmor Berg frå Oslo f 1922. Born: Ruth Anne 1951 g 1972 m Ole Intelhus (har ei gjente: *Britt Reidun* 1972 og ein gut: *Svein Ove* 1974).

Hemsedal Kjøttforretning

Gnr 67, bnr 64.

Brustad.

Den fyrste butikken for *Hemsedal Kjøttforretning* vart starta i 1935 i sama bygningen som Hemsedal Forbruksforening. Fyrste styraren var *Karsten Bekken* frå Gol, som var der i omlag två år. So overtok *Arvid Bekken*, bror hans, som styrar i 1937. Kjøttforretningen kjøpte tomt av eit andelssagbruk, men bytte burt denne og fekk att tomten Brustad og bygde forretningshus der 1950, som dei fløtte inn i 1952. i tilknytning til kjøttforretningen kom *Brustad Kafe*, som fyrst vart burtleigd nokre

år, sea overteken att av Hemsedal Kjøttforretning og no burtleigd til Arild Karlsen. Forretningen driv ogso pølsemakeri og frå 1956 utleige av fryseboksanlegg. Like ved sida av forretningsbygget vart det oppført slakteri, som er mykje modernisert i det siste. I bustadroma i andre høgda av bygningen bur no styraren, Arvid Bekken, frå Gol f 1916, g 1937 m Olga F. Jordheim frå Gol f 1914. Dei fløtte til Hemsedal i 1937. Kommunemann, doms- og skjønsmann. Born: Arnt 1937 g m Lilly Engene, Frank 1940 g 1965 m Martha Skjær, Gunnar 1942 g m Anne Uisaker (62-9), Ingeborg 1945, Aslaug 1950, Odd og Tor 1954 (tviilingar), Odd sette livet til i ein skipsbrann 1971 og Tor omkom i ei bilulykke 1972. Arvid Bekken har no bygt seg eige hus (*Bækkestua* gnr 68, bnr 83), som står innfløtningsklart (1976). Det andre husværet blir disponert av Ernst Tore Eggen f 1946 og g 1967 m Ann Louise, dotter av noverande meierist-Eivind Larsen, f 1949. Han tok over Som slaktar etter Nils Lokreim 1972, før hadde han arbeidt fleire år i pølsemakeriet. Dei har tre born: Mette Cathrine 1967, Roger 1969, Tor Erik 1973. Dei har bygt seg eige hus i Seljevegen (*Skogly* gnr 68, bnr 84) og det står innfløtningsklart (1976). Vidare bur her Arild Karlsen frå Horten f 1938, g 1960 m Anne Irene Fristad frå Tønsberg f 1942. Barn: Rita 1960. Dei har leigt *Brustad Kafe* og driv denne for eigen rekning.

Haugtun

Gnr 67, bnr 67.

Eigar: Lars Hjelmen. Han åtte søre Hjelmen (86-18) i Grøndale til han i 1945 selde denne til Andres Trøym og fekk att tomt heime hjå Andres. Her bygde han bustadhus og fløtte inn i 1947. Sea har Lars for det meste arbeidt på Kirkebø Sag og Høvleri. Ragnhild, mor hans 1868-1957, budde hjå han dei siste åra ho levde. Lars f 1898 vart g 1930 m Maria Pålhus 1906-66. Born: Ragnhild Halldis 1933 har i ei årrekke vore tilsett ved kommunekasserarkontoret i Hemsedal.

Vik

Gnr 67, bnr 68.

Eigar: Ola S. Kirkebøen. Han kjøpte tomt av Knut J. Grøthe på vestsida av Heimsil og bygde seg hus her på Vik kring 1946. Før budde han på ættegarden Kyrkjebøn. Ola f 1894 er ugift. Ei tid dreiv han med ein del fehandel. Død 1976.

Eiktun

Gnr 67, bnr 73.

Eigar: Ola i. Eikre. Han kjøpte tomt hjå Knut J. Grøthe i 1954, bygde seg hus og busette seg der i 1956. Frå 1941 har han vore heradskasserar i Hemsedal. Er ogso skjønsmann. Ola f 1914 vart i 1950 g m Tora O.Flaget f 1927.

Har ein adoptivson: Erik 1961. Ola var med i krigen i 1940 på Klekken i Haugsbygden. Her vart han såra og låg på sjukehus tre og ein halv månad.

Haugstad

Gnr 67, bnr 76.

Eigar: Per L. Eikre. Han kjøpte tomt av Knut J. Grøthe og bygde åt seg her i 1959 Har vore sjåfør hjå A/S Hemsedalsbilane i mange år. Per f 1921 vart i 1951 g m Barbro N. Finset f 1922. Born: Kari Marie 1953, Nils 1959. - Per var med i heimestyrkane.

Øvre

Gnr 67, bnr 85.

Nils Lokreim bygde her. Far hans var frå Vang i Valdres, men vart gift til Borgund, og her vaks Nils upp. Han kom til Hemsedal i 1946 og arbeidde ved Hemsedal Kjøttforretning som slaktar og med anna arbeid innan forretningen. Han kjøpte tomt av Andres Trøym og bygde bustadhus her, Øvre som det vart kalla, og fløtte inn i 1962. Kommunemann og skjønsmann. Nils Lokreim 1920-71 vart g 1950 m Signe Alette Horge frå Borgund f 1926. Born: Britt Anne 1951 g 1969 m Kjerand Bauge, Karmøy, f 1947 (dei har två gjenter), Sissel Karin 1960,

Bjørklund

Gnr 67, bnr 86.

Anne Danneborg kjøpte tomt av Knut J. Grøthe, bror sin, bygde hus og busette seg her i 1961. Før

den tid budde ho i Grøndale for det meste (sjå 86-19: Enden). Sonen Johannes f 1916 vart i 1945 g m Magda Granefjell frå Nordland (no død). Han var lenge reingjætar, men tok seg so arbeid i Oslo som vaktmeister (dei hadde ei gjente: *Anne Gro*). Anne f Grøtho (sjå nørre Bygdheim) 1894-1969 vart i 1920 g m Odd Martinsson Danneborg frå Sverige. Han var reingjætar for Hemsedal tamreinlag med det var i drift. Laget kjøpte 1400 rein i 1924 og hadde dei i fjellstroka mellom Hemsedal og Vang. Borna til Anne og Odd: Martin 1920 g m Ellinor Eriksen frå Kirkenes, driv som malar i Bærum (har ein gut og ei gjente), Elise 1924 g m doktor Egil Sivertssen frå Kristiansund (dei har ei gjente), Astrid 1926 g 1945 m ein Zupevec frå Østerrike og bur der (har 8 born), Ruth Gunhild 1929 g 1958 m Finn Bendiksby frå Bærum, som arbeider i Norad tok fyrst sjukepleiarutdanning, so cand. mag.-eksamen ved Oslo Universitet, er no adjunkt på Huseby Blindeskole i Oslo. (har ei gjente), Ragnhild 1931 g m sivilingeniør Knut Christiansen frå Moelv, ingeniør hjå Hydro (har två gutar og ei gjente), Inger 1934 g 1958 m Per Nafstad frå Oslo, både ho og mannen er dyrlækjar, ho tok til og med doktorgraden i veterinærvitenskap (dei har ein gut og ei gjente), alma 1939 g m Trond O. Anderdal, Kjell 1942 (på åndsveikeheim).

På Bjørklund budde ogso Halvor T. Heggstad 1885-1975 (sjå Heggstad 86-9). Han åtte og dreiv Heggstad til han i 1960 selde garden til Trond Kirkebøen. Halvor ordna seg med hus på Bjørklund for å bu der på sine gamle dagar. Kommunemann, doms- og skjønsmann.

Eirik Grøthe (sjå nørre Bygdheim) og hans kone Vera budde ei stutt tid hjå Halvor, men bygde seg so sitt eige hus like ved.

Granlund

Gnr 67, bnr 90.

Eigar: Hemsedal Kommune, bygt 1965. Her bur lærar ved Hemsedal barne- og ungdomsskule Tom Arnold Kvinlog frå Fjotland f 1950, g 1973 m Toril Oddny Lundvold frå N. Aurdal f 1948. Born: Siri 1973, Gro 1976.

Soltun

Gnr 67, bnr 95.

Bygd 1965. Eigar: maskinkøyrar Olav Frøholm frå Innvik f 1933 og kona Bjørg f 1934. Born: Else Oddfrid 1957, Reidar 1960. Bjørg har drivi mykje med sying for folk, men arbeider no for Horten Konserv.

Granlund

Gnr 67, bnr 99.

Eigarar: Peder Snertbe f 1907 (jfr. Lunheim 67-43) og sonen Erik Birger f 1943. Peder er flink skyttar og har vore mangeårig formann i Skyttarlaget. - Erik Birger vart g 1964 m Marta Husum frå Borgund. Born: Bjørg 1965, Magne Petter 1968.

Orrhaug

Gnr 67, bnr 100.

Eigar: Hans Listau f 1925 frå Luster i Sogn g 1959 m Kari Snerthe (sjå 67-43). Born: Per Olav 1961. Hans Listau har arbeidt for Hemsedal kommunale Elektrisitetsforsyning frå 1955. Han og Kari bygde åt seg i 1968.

Synhaug

Gnr 67, bnr 102.

Bygd 1967. Eigar: Ragnar Ulviksbakken frå Borgund f 1942 g 1964 m Anne-Marie Dekko f 1945. Born: Roar 1965, Mai Britt 1968. - Ragnar arbeider i Hemsedal Elektrisitetsverk. Kjøpte tomt av Erik Trøim og bygde der 1967.

Solhaug

Gnr 67, bnr 109.

Eigar: John Egil Syversbråten f 1937 g 1960 m Randi Johanne Gulliksen frå Gol f 1938 (jfr. 67-125). Born: Gunnar Engebret 1960, Bjørn 1964. - John Egil driv *Hemsedal Sportsforretning* og er ein flink muskar. - Kjøpte tomt av Ole J. Grøthe (Bygdheim) og bygde der 1972.

Garli

Gnr 67, bnr 112.

Eigar: Kari Reiergård f 1906. Ugift. Arbeider på Bygdaheimen. Kjøpte tomt hjå Knut J. Grøthe (Bygdheim) og bygde der 1972.

Svaet

Gnr 67, bnr 115.

Eigar: Bjarne Nilsen frå Danmark (jfr. 67-54) g 1962 m Astrid Grete Svare f 1943. Dei fekk seg sitt eige hus i 1972. Bjarne er tilsett som sjåfør hjå A/S Hemsedalsbilane. Born: Hilde 1963, Kristin 1965, Stein 1970.

Sørli

Gnr 67, bnr 125.

Eigar: Engebret Syversbråten frå Nes f 1906 g 1937 m Ingeborg Berget frå Gol f 1915. Born: John Egil 1937 g 1960 m Randi Gulliksen frå Gol (jfr. 67-109), Kjell 1941 g 1964 m Reidun Odde frå Lom (dei har ei jente og ein gut), Kåre 1945 g 1967 m Birgit T. Tuv f 1948, Magne Reidar 1952. alle borna er fødde i Gol. - Engebret starta *Hemsedal Sportsforretning*, som sonen John Egil no driv. Elles er han ein flink svarvar og rosemalar. Jfr. Vestli 67-136.

Skogheim

Gnr 67, bnr 126.

Eigar: *Sigrid Lien*.

Bustaden er burtleigd til Alf Ivar Lindblad frå Bærum f 1904, g m Gunvor Hansvig, Oslo, f 1917. Ekteparet driv fysikalsk institutt i Hemsedal Bygdaheim.

Harpesletten

Gnr 67, bnr 128.

Eigar: Erik J. Grøthe f 1900, reiste til Minnesota 27 år gamal. Her fekk han ein lang arbeidsdag. I 44 år hadde han sitt yrke i denne staten, delvis som farmar, bussjåfør, men lengste tida som Clerk (postekspeditør). G 1936 m Gunvor Bakkene 1910-59. Barn: Jan 1945. Har i fleire år arbeidt på Cape Kennedy. I 1961 gifta Grøthe seg att med Vera Ruth Hilda Skytte frå Sverige f 1908. Dei kom heim til Noreg i 1972 og bygde seg då hus på tomt under foreldreiegedomen.

Skadvin

Gnr 67, bnr 127.

Eigarar: Per og Magnbjørg Engene. Lektor Per E. Engene f 1929 (sjå 62-4) og Magnbjørg (f 1931 i Torvastad) kom til Hemsedal 1968, og Per vart tilsett som skulestyrar ved Hemsedal barne- og ungdomsskule. Hadde før vore lærar i Husum i Lærdal, i Vestre Slidre og på Lørenskog. Magnbjørg, som hadde sjukepleiarutdanning, hadde hatt post som sjukepleiar ved Haukeland sjukehus i Bergen, Sentralsjukehuset i Trondheim, i Vestre Slidre og Lørenskog og so på Hemsedal Bygdaheim. Dei kjøpte tomt av Knut J. Grøthe, bygde seg hus og fløtte inn der 1973. Born: Ingunn 1959, Solfrid 1962, Marit 1966.

Vestli

Gnr 67, bnr 136.

Eigar: Kjell Syversbråten (sjå 67-125). Han kjøpte tomt av Erik Trøim på vestsida av Heimsil, bygde her og fløtte inn i 1973. G 1964 m Reidun Odde frå Lom. Han arbeider som maskinkøyrar. Born: Ingunn 1968, Egil 1969.

Hemsedal Bygdaheim *Granlund i og II.*

Det fyrste upptaket til å få reist ein heim for eldre i Hemsedal vart gjort i 1919. Ungdomslaget «Vår» med Peder P. Embre som formann tok til å samle inn pengar til dette fyremålet.

Etter krigen vart arbeidet teke upp att med ny kraft. Etter oppmoding frå Ola K. Grøthe valde heradsstyret 26-2-1946 ei arbeidsnemnd til å ta seg av saka og halde fram med innsamling av midlar: Syver T. Kirkebøen, formann, Ola H. Grøthe, Margit Haugen, Svein Skolt, Per Løvehaug, Andres Smøttebråten og Østen Thorset. Det synt seg at interessa for denne saka var stor, og innsamlinga fekk god tilslutning både frå bygdafolket, frå utfløtte hemsedøler rundt omkring i landet og i Amerika og elles frå andre. Mot slutten av 1951 vart det kjøpt tomt (straks ovafor kyrkja på Trøym's grunn) og valt byggjenemnd: Iver T. Svare, formann, Ola K. Grøthe, varaformann, Olaf Engene og Arne Finset, sekretær. Heradsstyret gjorde vedtak 15-11-1951 om at heimen skulde bera namnet: *Hemsedal Bygdaheim*. So gikk arbeidet sin gang. Som utførande arkitekt vart tilsett Leif Torp, Oslo, og som ansvarleg byggeleiar byggmeister Ola Stillingen. Røyrleggjararbeidet vart utført av røyrleggjar Ole Johnsen, den elektriske installasjonen av Hemsedal Elektrisitetsforsyning ved Per Brennhovd og målararbeidet av Knut Berg og Ola Halbjørhus. Alle dei som hadde med bygget å gjera, utførde eit godt og solid arbeid, som dei fekk mykje ros for. I ein serleg fløy av huset vart det innreidd eit sokalla helsehus med kontor for lækjar og helsesystemer, laboratorium og rom for tannlækjar, og i kjellaren vart det innreidd folkebad og skulebad.

Bygdaheimen vart vigsla 14. mars 1954. Han hadde til då kosta kr. 426 200, dertil inventar og utstyr for kr. 58 500, i alt kr. 484 700. Av dette utgjorde innsamla pengegåver frå bygdafolk og andre kr. 127 225. Hertil kom so ymse andre gåver og ein god del gratisarbeid. Bygdaheimen gav rom for 26 utanom tenarlyden. Frå og med 1972 er l. etasje godkjend som sjukeavdeling. Når Bygdaheimen ikkje har vore fullsett med folk frå Hemsedal, har folk andre stader ifrå kunna få plass. Diakon *Syver T. Baastø* vart tilsett som styrar for heimen so tidleg at han fekk vera med på planlegginga. Han hadde røymsle som styrar for eit sjukehus i Indonesia frå den tid han var misjonær, og var elles velskikka for ei slik stilling. Han var styrar i nære på 20 år (frå 15-12-1953 til 15-5-1972) og gjorde ein stor innsats for bygda og for dei eldre på denne måten. Han sparde seg aldri for arbeid eller bry når det galdt om å gjera det uneleg og hugnadsamt for dei som skulde leva og bu på Bygdaheimen. Han slutta ved oppnådd aldersgrense og busette seg då i Drammen. Etter Baastø vart sjukesyster *Bergljot Gjærde* tilsett som styrar (frå 15-5-1972). Ho hadde som sine hjelparar Kari E. Haug (tilsett 1953), Guro Viljugrein (kokke, tilsett 1955), Lina Gram frå Borgund (tilsett 1957). Av andre som i lang tid har arbeidd på Bygdaheimen, kan nemnast Margit K. Kirkebøen (1960-72), Gunvor Torset (fast tilsett 1960-69). Dessutan har svært mange hjulpet til på deltid eller som ferieavløysarar. Andres Haugo var i fleire år «altmoglegmann» på Bygdaheimen og utførde mykje vedlikehaldsarbeid der: snørydding om vinteren, slått om sommaren osv. Som ny styrar ved Bygdaheimen overtok *Birgit Markegård* i 1974. Sosialstyret for Hemsedal fungerer som styre for Bygdaheimen: Ola Hustad, formann, Per O. Langehaug, Birgit Markegård, Torill Thorson Skrede. Tilsynsnemnd: Eivind Thorset, Birgit Aalrust, Per Løvehaug (d 1975). Det synt seg at Bygdaheimen kom til å bli eit av dei beste sosiale tiltak som Hemsedal sette i gang. Med den skort på arbeidshjelp som har rådd i bygda i nyare tid, vert det verre og verre for dei eldre å få pass og medstell i heimen sin, især dersom det kom sjukdom på. Då kom det vel med at det var ein slik stad å sende dei til. Dei hemsedøler som fekk sine siste leveår på Bygdaheimen var desse: I 1954 kom desse dit: Torleiv Hensrud, Ivar Jegerhaugji, Margit O. Øndredal, Liv Øygarde, Mekkel Grøndale (heimvend norsk-amerikanar), Margit i Øndredal, Anne T. Brøto, Mekkel Teigji, Olaf O. Jordheim, Margit i. Skar, Anne Øndredal, Guri Moe, Olaug Øyn, Margit O. Ullsåk, Ingebjørg Toregarde, Olaug Reiarde, Birgit Grohaugji. 1955: Ingvar Øyn, Guri Brandvøl. 1956: Ola O. Finnset, Steinar Skogheim (Gol), Margit Brennhovd, Ole Ringsakerbrøta frå N. Aurdal (g m Ingrid øyn 76-7), Ingeborg Tørkjellhaugji, Asle Hustad, Syver O. Grøto, Anne T. Gunnvaldgarde. 1957: Knut J. Grøto, Per Hallbjørhus, Oline Torset, Knut Brandvøl, Ragnhild Hjelme, Ingebjørg Dekko, Eirik Øndredal, Ingerid Ålrust, Tollef Toregarde, Olga Storejordheim. 1958: Andres K. Torset, Olaf Brandvøl, Kari O. Sletto, Ola i. Skarsdøkken, Torleiv K. Langehaug. 1959: Svein H. Løkji, Knut L Ullsåk, Ingebjørg Berg, Ingebjørg Storejorde, Ola Tørkjellhaugji, Ola O. Ålrust Grøterud. 1960: Ingen nye dette året. 1961: Knut Sørbøl (Gol), Birgit Hjelme, Sissel Venåse, Ola Sletthaug, Barbo O. Hallbjørhus, Ragnhild O. Hallbjørhus, Ola T. Båste, Margit O. Skar. 1962: Marte Skarhaugji, Ola Hølle, Sjugurd A. Ullsåk, Gunvor Ålrust Grøterud, Ingerid Øndredal, Birgit Ullsåk Hensrud, Olaug Hansen (f. Høltø). 1963: Per Rese, Nils H. Eikre, Henrik Sørbøen (Ål). 1964: Halvor Eikrehaga, Guri Renslo Skar, Sjugurd T. Kyrkjebøn, Margit E. Finnset (søre), Lars N. Engjo, Ingebjørg H. Engjo, Ola i Ullsåk, Svein i Ullsåk. 1965: Knut O. Fausko, Rangdi Grøndale, Rangdi H. Ullsåk, Birgit Moe, Andres Støyte, Nils T. Myte, Gunhild Bækken (Gol), Gunhild Fjæren, Ola S. Ullsåk. 1966: Kari E. Bakko, Kari Fjæren, Barbo Langehaug. 1967: Barbo A. Torset, Ola K. Torset, Torstein Vøllø, Ola Løvehaug, Birgit T. Viljugrein, Margit S. Grøv. 1968: Ola T. Tuv Bjernebergstølen, Kirsti Støyten, Kirsti Sletten. 1969: Trond Finset, Kari O. Intelhus,

Anne T. Haugo. 1970: Sjugurd K. Skolt, Tomas Lio (Gol), Martine Husum (Lærdal), Anne Høvda, Margit E. Finset (nørdre). 1971: Ingerid O. Hulbak, Margit Bjerkheim, Knut K. Groset, Inger Berge. 1972: Barbo Torset, Ingebjørg Hulbak, Martin Gudbrandsrud (frå Nes, fløtte attende dit), Svein Vannevik. 1973: Ingerid Grøv, Oline Hago (var frå Bakko i Lykkjun, men gift med Jul Hago i Nørdre Aurdal). 1974: Ola Groset, Erik Thorset, Guri B. Grøthe, Ole N. Fekene, Aslak Jordheim, Ragnhild Mo, Ragnhild Båstø, Kari Brandvoll, Syver Brandvoll, Karoline Holde, Anna Kofte (Nesbyen), Ivar Iversen (Ringerike), Engebret Haugo (Gol), Per Brandvoll. 1975: Erik Finset, Ola Finset, Halvor Heggstad, Kari Haug, Svein Halbjørhus, Kari O. Vøllø, Guro Grøv, Erik Torset, Aasta Berger (Vikersund), Anna Klekken (Ringerike). Ved utgangen av 1975 budde desse på Bygdaheimen: Knut E. Bakkene, Aasta Berger, Kari Brandvoll, Ragnhild Brandvoll, Rangdi Brandvoll, Syver Brandvoll, Erik Finset, Ola Finset, Barbo O. Grøv, Jørgen Hansen, Kari Haug, Kirsti Haugen, Karoline Holde, Ingebjørg E. Hulbak, Oline Husum, Ivar Iversen, Anne Klekken, Ragnhild Mo, Ragna Smøttebråten, Hanna Tomter, Nils Tuv, Kari O. Vøllø, Eivind ødegård.

Kyrkjebøns-grende

I skattematrikkelen av 1647 er det ikkje oppført noko Kirkebøen, men derimot «*Schodengaard Næs Prestebol tilhørig*» med ein Knud som brukar. Garden er skattlagt som halvgard. I manntalet for 1864-66, er det omsnutt: två *Kirkebøen* den eine skattlagt som halvgard, den andre som øydegard - men ingen Schodengaard. Det eldste namnet må vera *Skadvin* eller *Skodvin*, og her var det at kyrkja (stavkyrkja) vart bygt, for ho vart kalla Skadvinar kyrkje. Då so den gamle garden vart upp delt, kom Kyrkjebøn-namnet i bruk, som sea vart einerådande. Ei tid vart bae namna nytta, i alle fall i kyrkjeboka. Det er no fire *Kyrkjebønsgardar* og dei frådelt *Rudningen*, *Skogstad*, *Bekkjidalen* og *Grønskogen* (nedlagd). Ogso *Eikro* og *Flaten* i Lio hørde til Kyrkjebøn i gamal tid. Eit Kyrkjebønseigo er ogso nemnt. I det aller siste er det reist eit heilt villastrøk norda Trøymthane, eit strøk som frå gammalt har vore kalla *Skogajordet*. Ei gamal søgn går ut på at Hemsedal vart avfolka under svartedauden, og at ein mann som heitte Skåbein, fann att den gamle stavkyrkja, som då låg burtgøymd i skogen. Han skaut etter ein bjørn og råka kyrkjeklokka (i klokkestopulen på Stopulhaugji). Men slike søgner blir fortalt ogso om andre kyrkjer og er ikkje stort å feste lit til. Like lite rimeleg er det at Skadvinar kyrkje har fått namnet sitt etter denne Skåbein, som venteleg er eit uppdikta namn. Me tek likevel med her det diktet som Hans Flaten gjev att om Skåbein og kyrkja: Kirken stod på bøen i mange hundred år, nu er dog dens vegg forsvunden, men til Skåbeins pris ennu blant løvet står gravens murer over grunden. Moseteppet hviler nu på stenen grå, mangt et gråtfullt øye står og ser derpå. Og fra treetts topp stemmer fuglen op minne Salmene i lunden. Derfor kan vor Skåbeins minnerike ry ingensinde gå til grunne. Med hver dalens slekt den hever sig påny fagert fra de friske munde. Sankte sabein med sin bue, pil og skjold nevnes ofte på den gråtbesprengte vold og hans saga går gjennom bygdens vår søtt som fuglesang i lunde.

Kyrkjebøn 68-1

Gnr 68, bnr 1, lnr 625 a.

Matrikulert so seint som i 1904 under namnet *Skadengaard Kirkebøen nedre*. I grenden heiter det: på *Kyrkjybønn*. Skrivemåte: *Kirkebøn* eller *Kirkebøen*.

Det er uvisst kva for ein Kyrkjebønsgard den *Knud Schodengaard* budde på som er nemnd i Skattematrikkelen av 1647, like eins den *Sigvart Stensøn Kirkebøn* og den *Ingelbret* og *Ole Knudson* som er nemnde i manntalet 1664-66. Etter gamal tradisjon var Sigvart Stensøn av Steensen-slekta i Hol. Skadengaard hørde under prestebolet i gamal tid, og det gjorde ogso Haug (sjå der). Det fyrste ekteparet på Skadengaard som kyrkjeboka nemner, er Odd og Kirsti. Farsnamnet deira har ikkje presten (Peder Vaach) brydd seg om å notere, men av skiftebrevet etter Kirsti ser me at faren hennar heitte Halvor. Dei hadde: Ola 1708-81-73 bonde på farsgarden, Embrik 1711 budde i Eikre omkring 1763, Halvor ca 1714, Margit ca 1717 g 1739 m ein Fredrik Antonisen (utabygds mann), Sigrid ca 1719-87-68 g 1745 m Trond Grøndale. I skiftet etter Kirsti 2-9-1719, administrert av sorenskrivar Andreas Jørstad med lensmann Jon Hallbjørhus, Torstein Viljugrein og Håkon Trøym som takstmenn, var det m.a. 11 kyr, 4 kalvar, 14 sauer og 7 geiter. - Margit og Fredrik heldt til på Kyrkjebøn i minst 13 år, deretter høyrer ein ikkje meir til dei, dei har kan hende fløtt ut or bygda. I Hemsedal hadde dei: Odd 1739, Kirsti 1752 (må tru det er denne Kirsti som i 1880 vart g m Herbrand Høvdae.

Ola fekk garden. Han vart g m Margit (eller Marte) Olsdtr Grøto: Kirsti 1734 g 1755 m Eivind Knutson Grøndale og andre gongen som enkje m Herbrand Høvdae 1780, Birgit 1735, Birgit 1739, Odd 1740-1817-77 bonde på farsgarden, Lars 1741, Kari 1745-64-19, Guri 1747 og 1776 m Håkon Torleivson Grøndale (sjå Stølen), Margit 1750, Ola 1753 (d 1836), Hans 1755, Svein 1757-1816-59 bonde i Rudningji. Odd fekk garden g 1740 m Ragnhild Ivarsdtr Jordheim 1748-1803-55: Ola 1774 d ung, Ola 1775 d Ola 1775-1846-89 bonde på farsgarden, Ivar 1778-1856-78 bonde i

Rudningji, Margit 1782-1863-81, g 1803 m Ola Grøto, Einar 1784 bonde i Venåse og på Jordheim, Kristi 1787-1873-86 g m Mekkel Skøyte, Birgit 1790, Kari 1794-1858-64 g 1819 m Bjørn Ålrust. Ola fekk garden g 1) m Anne Knutsdtr (Purkestad eller Tuv) d 1810,31 år gamal: Ragnhild ca 1800-1872-72 g m Ola Ingvarsan Grøv i Lykkjun, Odd 1801-41-40 bonde på nordre Skadengård. Ola vart g 2) m Guri Olsdtr Haug frå Ål f 1782. Dei hadde: Ola 1813-45-32 bonde på søre Skadengård, Hans 1822 bonde på Hallbjørshus, rtA, Knut 1825-1908-83 bonde på søre Skadengård. - Ola vart alltid kalla Kyrkjybønsmann. Ein akta og æra mann. Det gamle Skadengård hørde før prestebølet til, men Ola fekk kjøpt det til odel og eige. Så delte han garden. Odd fekk den nordre halvparten, hovudbølet, og halvbroren Ola den søre. Odd vart som nemnt bonde på den nordre garden g m Mari Botolvdsdtr frå Ål d 1879, 71 år gamal: Ola 1835 ei tid bonde på farsgarden, Botolv 1838-1924-86 g 1873 m. Ingebjørg Olsdtr Kyrkjebøn, bonde på Viste i Valdres, døydde i Vikersund og vart gravlagd ved Heggen kyrkje, Anne 1841-1918-77 g m Jiggjer Trøym. - Mari vart g 2) 1844 m Ola Jiggjerson nordre Kyrkjebøn, som dei kalla Jiggjer-Ola: Odd 1845-1914-69 handels kar og bonde på foreldregarden, Barbo 1848 g 1871 m Sjugurd Grøto, som kjøpte Trøyflat i Valdres, liggjer 1850 bonde i Døkk. Ola fekk garden fyrst g 1869 m Ingebjørg Olsdtr Bjødnbergstøle f 1845. Ola var skreddar og vart alltid kalla Kyrkjybøns-skreddarn. Ei tid var det ein Ola som eigar på alle dei fire Kyrkjebønsgardane, og for å skilja dei åt, vart dei kalla: Kremmarn, Skreddarn, Gunhilden og Oløgen. Borna til Ola og Ingebjørg: Odd 1871, d i Amerika 1947, Mari 1874-77-3, Gunvor 1876, Mari 1882, Knut 1889. Dei selde garden til Odd, halvbror til Ola, og rtA 1892. Odd Olson overtok garden g 1885 m Anne Olsdtr nordre Kyrkjebøn 1861-1952: Ola 1886 fekk garden, Mari 1888 g 1910 m Ola S. Brække i Gol, Olaug 1890-99-9 (ho døydde ung, men lykkeleg i fast tru på at ho skulde få byte dette livet med sæla i himmelen), Ola 1893 handelskar g 1915 m Anne J. Trøym, budde på sande. - Odd Kyrkjebøn dreiv fehandel frå han var ung og til han fall burt, kring 40 år i alt. Somme år kunna han reise med upp til 120 stykke. Når noko var stort og langt, og folk skulde bruke ei liknarnente, brukte dei å seie: «Det æ so langt som drefte hass Ødd.» Han var ein bestemt og stø karakter, og handelen gikk bra. «Han kjem te å drive handel te han ligg der,» sa folk. Og slik gikk det. Han dreiv handel til han vart sjuk og sengeliggiande, og frå den lega reiste han seg ikkje meir. Då han for utover med drefte sine, stansa han fyrste heiden i søre Eikre, andre dagen kom han til Ro i Gol. Han tok i veg fyrst i september og kom heim att i november. Ved markenstid var han uttafør ein par månader for å krevja inn det han hadde til gode. Handelskarane brukte å seie at dei var «uttafør på krav». Og sto det endå att noko, tok dei ein tur utover att i mai. Ola d.e. overtok garden g 1908 m Ingerid Knutsdtr søre Trøym 1888-1962: Anne 1908 g m Ola K. Grøthe, Odd 1910-46, var med i heimestyrykane, omkom ved ei ulykke. Både Ola d.e. og Ola d.y. dreiv handel som far sin. Ola d.e. bygde nye uthus og heldt i det heile hus og jord i god stand. Bygde ei hytte ovafor Skogstad, ho vart seinare seld til Ole Juven. Kommunemann og skjønsmann. Sonen Odd skulde ha drivt garden. Men då han fall ifrå, vart det Margit, eldste dottera til Anne, som vart ved garden. Margit f 1930 vart g 1957 m sjåfør Oskar P. Fekene f 1922 (dei skriv seg Fekene). Oskar heldt fram med sjåføryrket ogso etter at han vart bonde. Har bygt nye bustadhus, dessutan er det av dei två siste eigarane selt mange tomter til bustadbygg i strøket. Garden har langstøl på Mørekvam og heim støl rett over på andre sida av dalen, men han er ikkje i bruk lenger. Borna til Oskar og Margit: Ingerid 1958, Anne Berit 1962.

Kyrkjebøn 68-2

Gnr 68, bnr 2, Inr 625 b.

På Kyrkjybønn.

i gamal tid: Nedre (eller søre) Skadengård. Skriveform: Kirkebøn eller Kirkebøen (noverande eigar: Kirkeboen).

Den fyrste bonden her, etter at garden vart delt, var altso Ola Olson 1813-45-32 g 1844 m Ingebjørg Olsdtr Imre 1810-64-54. Ola arbeidde ein vârdag nedpå Trøymssagen. Etter dugurden la han seg på marka for å sova. Då han vakna, hadde han ilt i hovudet, og på ein flekk var han troten. Det drog på og vart verre, og det trotna meir og meir. Han kjende seg ussel. Ingen skjønnte kva det var, og ingen visste råd. Han bad dei hjelpe seg sør i kyrkja. Det muna 'kji, meinte dei. Men han vart ved sitt, og ein vart med han inn i kyrkja. Han gikk like burt åt altaret og bad. So følgde dei han heim att, han la seg til sengs og sto ikkje upp att. Døydde om ikkje lenge. -Han etterlet seg sonen Ola 1845-79-34, Som døydde av tæring. Ugift. Ingebjørg Vart g 2) 1852 m bror til Ola, Knut 1825-1908-8 Han var av stillfarande, bestemt karakter: Kommunemann. Ingebjørg var sjukleg lenge under sitt andre ekteskap. Og ho trudde ho vart pålagt denne plaga avdi ho gifta seg med halvbror til fyrste mannen sin. Ho hadde fått det for seg slik at det ikkje var rett å gifte seg so nærskyldt. I ekteskapet med Knut hadde ho sonen Ola. Ola 1854-1942 overtok garden g 1) 1876 m Margit Andresdtr Viljugrein 1854-90-36: Knut 1877 d, Ingebjørg 1878-82-4, Knut 1881-1970 fekk garden, Ingebjørg 1883 g m Ola J. Trøym, dei budde på søre Bygdheim, Medgarde i Grøndale og til slutt på Rustehaugji, Andres 1885 lagersjef i

Oslo, no død (etterlet seg kone og två døtrar), Margit 1887-1909-22 døydde av ein hjernesjukdom, Ola 1889-1974 g 1919 m Anne S. Kyrkjebøn (sjå Kirkebø 67-27). - Ola vart g 2) 1894 m Gunvor Ullsåk 1859-1941: Margit 1894 g 1918 m Østen A. Torset, Nils 1896 bonde på Hulbak. - Ola var fyrste ordføraren i Hemsedal 1897-1910. Som døme på den vyrndad bygdafolket syntet mot han, kan det nemnast at før det vart høvetalsval til heradsstyret, fekk han kvar einaste røyst av dei som møtte fram. Var ogso mykje nytta som skjønsmann. Var ordførar i 1905 då det spøkte for krig med Sverige. Men freden vart berga den gongen. «I stor takksemd kunde folket si som romeriksbonden Andres Dragvoll sa til Georg Sverdrup i 1814, at Gud var attåt» (HF).

Då sonen Knut om ei tid overtok garden, bygde Ola og Gunvor åt seg ned ved«Lina» like nord for Trøymbrune (sjå Skogstad 68-9, 10). Knut overtok garden g 1911 m Birgit Knutsdtr Torset 1882-1961: Ole 1913 har no garden, Margit 1914 arbeider på Bygdaheimen, Oline 1916 g m Trond Tuv, Gunvor 1919 g m Anton Bjørli frå Lesja, Karoline 1921 g m Kristen Engebret Steinmoen frå Rukkedalen, Knut 1923 g m Magnhild O. Flaget. - Etter utskiftning fløtte Knut bustadhusa lenger aust og bygde ogso uthus (1918). Han hadde garden til sonen Ole overtok han i 1945. Ole g 1959 m Ingeborg Opdal frå Lærdal f 1920. Dei har: Knut Arvid 1960. Ole har bygt nye bustadhus. Garden har langstøl på Mørekvam og heimstøl rett over dalen på andre sida av Heimsil. På Mørekvam støle har han bygt hytter til utleige. Syskina hans fekk tomter ovafor Skogstad, der dei kunne byggje seg hus.

Skogstad

Gnr 68, bnr 9 og 10.

På Skogstad. Nylaga namn.

Ola og Gunvor Kirkebøen (68-2) bygde åt seg ned ved «Lina» då sonen overtok Kyrkjebøn, og kalla den nye bustaden Skogstad. Der starta dei landhandel og hotell, og Gunvor var jordmor i bygden. I over 40 år hjelpte ho til når dei nye slektene sag dagsens lys. Det var ofte ei slitsam tenest. Jamt laut ho ut om natta og i allslags ver, og ofte var ho ikkje før ferdig på ein stad før det kom bod frå ein annan kant av bygda. Og alle stader laut ho prøve trøyste, hjelpe og lindre når det var som verst og deretter stelle den nykomne. «Hun var som skapt for dette ansvarsfulle hverv, og hundreder av mødre har takket og velsignet henne for trøst og hjelp i lidelsens tunge timer» (HF). Ola og Gunvor avhenda eigedomen til dottera Margit og versonen Østen A. Torset f 1893, som selde Torset og overtok Skogstad. Dei bygde seg då eit hus ved sida og budde der til sin død. Østen og Margit slo seg på hotell drift. Dei bygde på og utvida fyrste bygningen i 1934, og frå då av auka drifta smått om send. Kring 1955 vart so neste bygning teken i bruk. Østen var kommunemanndoms- og skjønsmann. Var ogso heradskasserar og trygdekasserar nokre år. Born: Asle 1918-34 omkom ved ei motorsykkel ulykke, Ola 1925 g 1949 m Gudrun Olava Grøndal 1928. Ola overtok hotell drifta frå 1950. Har bygt attåt eit nytt, stort murbygg i fleire høgder og på andre sida av riksvegen fleire campinghytter til utleige. Har ogso kjøpt Langeset, ei oppdyrka slåtte ved Hemsil I. Born: Asle Øystein 1950, Magne Olav 1953. Ola og Gudrun skriv seg Thorset. I utleigebustaden bur røyrleggjar Svein Krokengen frå Ringsaker f 1950. G 1974 m Solfrid *Soløy* frå Furnes f 1953. Barn: Laila 1975.

Grønskogen

i Grønskogji. Bygselbruk under Kyrkjebøn.

Det nedlagde bygselbruket Grønskogen låg like ovafor der Skogstad vart bygt. Der budde Trond Oddson Øndredal 1785-1856-71 g 1812 m Kari Persdtr Hølle: Odd 1813 seminarist rta, Anne 1814 d 1837 som husmanns kone under Trøym, Margit fødselsår ukjent (hadde två born utanfor ekteskap: *Trond* 1845 med Nils Stabekk i Asker, *Anne* 1849 med Ola Eriksen Melkin frå Toten) g 1855 m Ivar Vikoeigo i Gol, Ingebjørg fødselsår ukjent g 1856 m Halvor Olson Helgebrøta, Gunhild fødselsår ukjent g 1848 m Embrik Haugssletten, Kari 1834. - Anne må ha vore gift utanfor bygda, for det er ikkje nemnt i kyrkjebøkene. Odd var den fyrste seminaristen frå Hemsedal. Då han kom heim att frå seminariet i Asker, var han kledd etter bymoten, tala bymål og hadde elles teke etter byskikken. Dette syntest folk var narraktig, han kunna ha vore «gjemeindele o snill og oppført seg som ein ekta hemsedøl, meinte dei. Dei syntest han var børg (stolt), eit kjon, eit narr. «Ble meget miskjent i bygden. Og reiste så til Amerika fra alt sladderprat» (HF).

Rudningen

Gnr 68, bnr 3, lnr 625 c. I Rudningji.

Låg ved den gamle gardsvegen mellom Skogstad og Kyrkjebøn. Her budde Svein Olson Skadengård 1757-1816-59 g 1790 m Margit Aslaksdtr (Kilo f 1761). Dei budde ogso på eit Trøym-bruk ei tid:

Margit 1790, Ola 1792 g 1819 m Ingerid Halvorsdtr, dei budde i søre Fløgo 67-9, Margit 1795, Aslak 1801 d, Guri 1802 g 1858 m Sjugurd Kilo på Muskemoe. Etter dei kom brorson til Svein, Ivar Olson Skadengård 1778-1856-78 til å bu der, g 1806 m Ingebjørg Olsdtr Hustad 1780-1846-66: Ragnhild 1808 g m Jørgen Brøto, Ingebjørg 1810 g m Ola T. Jordheim, Margit 1813-64-51 g 1847 m Ola Sølveson. Margit og Ola overtok Rudningen: Ivar 1847-1933, bonde i Rudningji, Knut 1853-1936 bonde i Fløgo.

Ivar fekk garden g 1867 m Birgit Halvorsdtr Heggjstad 1846-91-45: Margit 1868-1926 tente lenge uttafør nær Drammen, Ola 1869-1951 ugift, han var noko invalid, men likevel arbeidde han og var uvanleg flittig, nydyrka jamvel jord og bygde sine egne bustad- og uthus, Halvor 1872-97-25 var sjuk av hjartefeil og døydde brått, Knut 1875-1957 bonde i Rudningji, Anne 1881-1961 g 1910 m ein Johan Andresen utpå bygdo (dei hadde i Hemsedal sonen: *Anstein* 1910), Ingebjørg 1883 d, Ingebjørg 1885-1943 tente uttafør, Barbo 1889-1963. Knut overtok garden g 1912 m Kari Nilsdtr Engjo 1869-1950. Dei fløtte bustadhuset sitt litegrand lenger ned. Dei var barnlause, og i 1938 selde dei garden til Ola Haug. Ola E. Haug f 1910 g 1936 m Mari K. Trøym f 1908 bygde nye bustadhus og fløtte dit i 1939. Nokre år etter bygde han nye uthus. Dreiv med pelsdyr ei tid. Garden har langstøl på Mørekvam, og der har noverande eigar bygd hytte for utleige. På andre sida av Heimsil har Rudningen hatt heimstøl, som ikkje lenger er i bruk. Her er det no bygt eit moderne campinganlegg (Bruhaug Camping), og eit tilsvarande anlegg er bygt på eigedomen heime. Ola Haug har ogso selt mange tomter av garden Rudningen på strekningen nedover til riksvegen, der mange nye bustader er komne til. Han nyttar sitt eige ættenamn. Borna til Ola og Mari: Gunvor 1938 utdana husstellærar, no rektor ved Kongsberg Husstellskule, g m stadslæge Munthe Kaas på Kongsberg, Kjell Erik 1943, no eigar av eigedomen, har bygt nytt bustadhus.

Bekkjidalen

Gnr 69, bnr 4 og 7, lnr 626 e. I Bekkjidale. Skrivi Bekkedalen.

Bekkjidalen låg ned ved åne. Her budde Embrik Knutson Bekkjidale (f på Jordheim 1754) g m Ingerid Knutsdtr d 1802, ca 56 år gamal (ein veit ikkje kvar ho var ifrå): Ragnhild 1786 (g 1815 m Halvor Olson Rustehaugji), Knut d.e. 1787 bonde i Bekkjidale, Knut d.y. 1789 g 1826 m Margit Nilsdtr Kyrkjebønseigo d 1859, 73 år gamal, dei budde på Fiskum, Margit 1794-1830-36 g 1829 m Jon Torsteinson Kven. Knut d.e. vart buande i Bekkjidale g 1815 m Kari Larsdtr Tubun 1785-1849-64: Embrik 1816 bonde i Bekkjidale, Sigrid 1819 (hadde ein son: *Lars* 1849 m Elling Kjølstuen på Modum), Ingerid 1821 (hadde ein son: *Lars* 1846 d, m Odd Grønskogji), Lars 1823 fløtte i 1860 til Nannestad, Knut 1826, Rangdi 1828 (med dotter: *Sigrid* Martinsdtr 1847). Embrik overtok bruket g 1845 m Margit Olsdtr Fløgo f 1822: Kari 1846, Ola 1849, Ingerid 1852, Sigrid 1856, Knut 1859. I 1861 drog huslyden til Amerika. So sto bruket øyde i lang tid til Ola Oddson Kyrkjebøn d.y. fløtte dit. Ola f 1893 g 1915 m Anne K. Trøym 1893-1976 bygde og budde fyrst på sande 67-13 (sjå der). I 1950 selde dei Sanden til Hemsedal Meieri og bygde so åt seg i Bekkjidale og fløtte dit i 1952 (skriv seg Kirkebøen). Ola fekk Bekkjidalen av foreldra sine, som atter hadde kjøpt eigedomen av Kyrkjebøn 69-5. Ola kjøpte ogso (1950) garden *Sletten* 89-3 i Lio av buet etter Knut P. Sletten. Bekkjidalen har frå gamalt hatt langstøl på Mørekvam, og til Sletten hørde det två langstølar på Hælso og ein heimstøl vesta åne. Borna til Ola og Anne: Anne 1916, Gunvor 1920, Odd 1922 g 1963 m Anne Gundersen frå Telemark, har no overteke gardsbruket, Knut 1925-31, Olaug 1930 g 1953 m skreddar Kåre østvold i Oslo (dei har fått seg tomt og bygt hytte i Bekkjidale: østbu 69-17, har två born: ein gut og ei gjente).

Kyrkjebøn 69-5

Gnr 69, bnr 5, lnr 627 a.

På søre Nordgarde på Kyrkjebønn. Skriveform: Kirkebøn eller Kirkebøen.

I eit skiftebrev frå 1705 er nemnt ekteparet Svein Sifertsen og hustru Barbo Tollefsdatter på det dåverande nørde Kyrkjebøn. Svein er kan hende son til den Sigvart Stensøn Kirkebøn som er oppførd i manntalet 1664-66. Ein ser av skiftet at dei hadde borna: Birgit d 1703 g m Ola Olson Markegølo, Knut, Rangdi, Ingebjørg, Ingebjørg, Jørønd, Margit, Kari g m Knut Asleson Torset d 1716, Ingebjørg. Svein døydde 1705. Barbo vart g att 1710 m ein *Peder Larsen*. Namna Peder Larsen og Barbo Tollefsdatter står på maleriet «Jesus indstifter Nadverden» som heng i den gamle stavkyrkja og som vart fløtt over i nyekyrkja. Det er venteleg ei gåve frå dei til kyrkja. Skiftet etter Svein vart halde på Kyrkjebøn 3. og 4. september 1705. Dottera Birgit g m Ola Markegølo var då død, og døtrene Kari og Anne arva i hennar stad. Dei andre borna og Barbo var til stades. Like eins bror til Barbo og lensmann i Gol Ole Tollefsen Storla, lagverje for Barbo. For dei umyndige Kari og Anne møtte far deira, og for dei andre borna Ole Intelhus, Knud Trøim, Håkon Trøim og Niels Findset. Det vart registrert: 34 nautskrytyr (med kunamn som: Mjølín, Gjøkoll, .Dukrei, Venebån, Mørkrei, Gulros, Mongjæv, Rosipru, Gulsi, Sommargo Dagros, Salpru, Venegull, Bufri, Snjøni Kinnpru, Budrøbn). Av

sengklede: 23 skinnfeldar, deriblant ein kalveskinnsfeld 11 feldar var nye, 9 brukningssengklede, der av 2 gulrinda, 1 kvitil, 1 gamal skinnfeld, 2 gamle kvitilar, 1 gamal randut kvitil 1 skinnbenkedyne, 2 dubbelte bruknings: sengklede, 7 lesningssengklede, 1 dubbelt sengklede, 1 gammalt sengklede, 4 svenske teppe, 1 sengevar, 1 underdyne, 1 skinnfeld, 1 grå vadmalsdyne, 2 høvdslag, 1 strielaken, 1 vadmalsdyne, 1 brunstripudt dyne med lite fyll og 1 med meir fyll, 2 stripudt høvdslag, 1 saueskinnsfeld, 1 kvit vadmalsdyne med hår i, 2 brunrandute underdyner, 2 blårandute høvdslag, 1 skinnfeld med overtrekk, 1 randut kvitill med svarte og gule rinda, 2 små benkedyner två alner lange med skinn under, 1 bruknings benkedyne seks alner lang med skinn under og 1 dyne tre alner lang med skinn under, 1 gammalt strielaken, 1 hampelereftslaken, 1 linlereftslaken. Andre ting: 5 kaparkjellar, 7 lysestakar, 1 massing vasskjerald, 3 massing bordringar, 2 store jødngruter, 3 mindre jødngruter, 2 jødnrister, 1 handsag, 1 teljebile, 1 mindre teljebile, 4 hoggøkser, 1 skal, 1 stor husnavar, 3 mindre navrar, 1 brøtøks, 1 slipestein med jødnås, 2 plogar med lekkjijødn og ristill, 20 ljå, 1 staurstøng, 1 gammalt plogjødn, 4 skjølningar, 2 jødnklavar med bjøller, 10 skyru, halvparten i ein smiubelg, 2 smiuhamar, 2 tener, 1 smiusted, 2 lyse koppar av jødn, 5 selar, 1 Sal med beksel og grime, 1 kløvSal, 2 par kløvteiner, 1 lærreip, 2 bustereip, 3 skinnhitar, 2 par nye teiner, 5 bukkeskinn, 1 barka hud, 12 saueskinn, 3 blåe steinkrus, 2 blåe steintyfå, 4 mala treskaler, 1 dusin borddiskar (tretallikar), 4 mjølkeflesku (av tre) 1 tverrbøtning, 1 bytte med jødnring 1 loket, 1 embar, 1 bytte med lok, 1 vad (not), 2 store holkar med lok, 1 kornholk med lok, 3 holkar, 1 tunne, 1 kornbøle, 1 par kløvbytter, 2 køllbaler, 1 gangholk, 2 fotholkar, 1 svertebytte, 1 liten fotholk, 1 gamal avlang holk, 1 trebøtning, 1 stor øltunne i størhuset og 1 mindre, 1 gangholk 2 syrpebytter, 1 ask, 3 mjølkeembarar 2 gamle holkar, 1 tjyrtunne, 1 kvitramal kiste i staburet, 2 andre kister a tægjekjørg, 1 stykke jødn på 12 merker, 1 bandekniv, 1 drøftetrøg, 4 fat, 3 øltunner 15 tunner korn, det beste vurdert til 6 Mark, 4 1/2 tunne mjøl. - Svein åtte både Kyrkjebøn og Brandvøl og dessutan Brekke i Gol, so han må ha vore noko av ein riking. Registreringa av buet tyder ogso på at garden var velforsynt av alle ting som trongst i dagsens styr og stell, ja at det var overflod og velstand. Mesteparten av det som er upprekna, vil vera velkjent for eldre folk, og var i bruk rundt omkring på gardane til fram imot notida. Men somme ting - og namn - vil visstnok vera ukjende no. Kyrkjebøkene nemner fyrst ein Lars g 1693 m Guro Olsdtr Markegolo. Fleire er ikkje nemnde då. Men i 1724 og 1727, alto etter Boyesenstida, er det nemnt ein Lars Jonson (i skifteprotokollen: Toresen) Kyrkjebøn, han er g m Ingebjørg Sveinsdtr: Svein 1719, Barbo g m Ola Nilson Kyrkjebøn, Margit 1724-59-35 g 1753 m Halvor Andreson Grøv, Jon 1727. Ved skiftet etter Lars Jonson 1738 hadde buet 1 hest, 23 nautskrytyr, 22 sauer, 17 geiter. Kan hende dette er den Lars som vart gift 1693, men i so fall må han ha vore uppattgift i Boyesenstida, når det ikkje er nemnt born frå 1693. Ola Nilsson Tuv kjøper ein Kyrkjebøngard i 1737, truleg denne, for 350 rdl. Ola 1708-90-82 vart g 1737 m Barbo Larsdtr. I kyrkjeboka er desse borna nemnde: Lars 1741 bonde på Kyrkjebøn, Ingebjørg 1743 g 1770 m Ola P. Trøym bonde i Lien, Ingerid 1745, Nils 1746, Ola 1748-1803-55, Margit 1750, Kari 1752, Gunvor 1756, Gunvor 1758.

Lars overtok garden g 1766 m Ingerid Toresdtr Grøto 1743-84-41 (døydde i barnseng): Barbo og Olaug 1766 tvilingar, døydde unge, Ola 1769-70-1, Tore 1770-1803-33, Ola 1771-1812-41 bonde på Kyrkjebøn, Svein 1774-1801-27, Lars 1776-77-1, Lars 1779-1803-24. Ola fekk garden g 1801 m Barbo Halvorsdtr Rusto 1779-1873-94: Ingerid 1801 g 1826 m Knut Trøym, Lars 1804 d, Anne 1805 g 1828 m Nils Nilsson Pløgo, Lars 1807-48-41 bonde på Kyrkjebøn, Sunnev 1809-ca 55-ca 46 g m Ola Eivindson Øndredal, Barbo 1812 d. - Enkje Barbo vart g 2) 1813 m Jiggjer Hansson Trøym 1764--1855-91. Om han er det fortalt at han skulde niste seg ut på foring ein sommar. Han kokte upp vatn og hadde på ei flaske (treflaske) og mjøl i ein pose. Trudde dette skulde greie seg etter som kornet var turka før, det var berre vatnet som var rått, tenkte han. Men då han skulde laga seg graut, vart det berre ein deig. Etter tradisjonen var han med i den flokken av bønder frå Ringerike og Hallingdal som i 1818 vilde ta til motmæle mot embetsveldet (Halvor Hoel-rørsla). Ein del av bøndene låg på ein låve i Bærum ei natt, og sama natta kom det ridande ein flokk soldatar. Bøndene hørde støyen. Jiggjer let seg gli ned av høystakken og ropte: «Æ det tå våre folk?» Kommandanten svara: «Vi skal syne dere «være folk», vi. Dersom dere ikke pakker dere hjem, skal dere få med oss å gjøre!» Bøndene let seg overtale og snudde heim att. - Borna til Barbo og Jiggjer: Sigrid 1814, Ingerid 1815 d, Ola 1816 d, Ola 1817-99-82 g m enkje Mari Skadengård, Sigrid 1821 g m Andres Finnset, bonde på Tryhus i Gol. Lars fekk garden g 1831 m Sigrid Olsdtr Hulbak 1807-79-72: Barbo 1834-1915-81 g m Kristen Langehaug, Ola 1838 d, Birgit 1839-40-1, Ola 1841 bonde på Kyrkjebøn, Ola 1845-1915-70 bonde på Jordheim og i Hølgjhaugji. - Lars var sjukleg. Let seg årelate. Gikk burt i nokre kalde myrar og slo. Vart alvorleg sjuk og døydde. - Sigrid vart g 2) 1851 m Torleiv Halvorson Ålstveit f 1814: Ingerid 1851 g m Andres Olson Jordheim bonde i Lier. Sonen Ola f 1841 fekk garden g 1866 m Gunhild Olsdtr Bjødnbergstøle 1840-1921-81: Lars 1868, Ola 1869, Knut 1871 d, Knut 1872-83-11, Sigrid 1875-76-1, Ola 1877 d, Sigrid 1879, Gunvor 1882 d. - Dei selde garden til handelskar Sjugurd SjugurdsonTuv 1844-1917-73. Sjugurd vart g 1884 m Ingebjørg Olsdtr Ålrust 1863-1950: Rangdi 1886-1941 g 1908 m Ola Trondson Jordheim d.y. (sjå elles Granheim 67-32), Sjugurd 1888-1961

bonde på Kyrkjebøn, Margit 1891 d, Margit 1892 g 1922 m Ola Knutson Jordheim, Ola 1894 handelskar, bur no på Vik 67-68, Anne 1897 g 1919 m Ole O. Kirkebøen, Birgit 1900 g 1928 m Knut O. Flaget. Sjugurd Sjugurdson - han skreiv seg Syver - fekk garden g 1919 m Anne K. Intelhus f 1893 Ingeborg 1919 g m Nils K. Holde, Sigurd 1921 bonde på Kyrkjebøn, Margit 1923 g m byggmeister Knut O. Langehaug bur i Oslo (har ein gut og ei gjente), Knut 1925 g 1955 m Kjellaug Skringo frå Ål, han er tekniskar i Oslo (dei har två gitar), Olav 1927 g m Klara Solveig Halbjørhus (bur på Bekkelund 69-15), Marie 1930 g 1962 m byggmeister Odvar Jørgenrud (dei har tre born), Signe 1933 g 1965 m toldar Odd Eiane (dei har två born), Astrid Sofie 1937 sjukesyster g 1969 m vaktmeister Rolf Ottosen (dei har eit barn), Oskar 1939 g 1966 m Liv Olsen, han er teiknar ved Geografisk Oppmåling i Oslo (dei har eit barn). Sigurd overtok garden g 1958 m Olaug Nossun frå Inderøy i Nord-Trøndelag f 1928. Han har bygt nye bustadhus, er deleigar i pelsdyrfarm, skjønsmann. Garden har langstøl på Mørekvam, i eldre tid ogso på Kyrkjebønssletto, men denne stølen er ikkje lenger i bruk, heller ikkje heimstølen oppå Kyrkjebønssstølo. Sigurd har selt tomter til nokre av syskina sine: på Bekkelund 69-15 har broren Olav bygt og busett seg, og på Granly 69-18 har Astrid Sofie bygt hytte. Sigurd og Olaug g 1958 har borna: *Sverre* 1959. *Aud* 1960, *Gerd* 1965, *Reidun* 1968.

Kyrkjebøn 69-1

Gnr 69, bnr 1, lnr 626.

På nordre Nordigarde på Kyrkjebøn. Skriveform: Kirkebøn eller Kirkebøen.

Tore Larsson 1770-1803-33, son til Lars og Ingerid på den andre nordigarden budde her, g 1796 m Anne Torleivsdtr Viljugrein 1761-1852-91. Tore fall tidleg ifrå, og enkja sat att i småe kår. Då ho døydde, vart ho innført i kyrkjeboka som fattiglem. Ved skiftet etter Tore var buet skuldig til Jakob Dokken 13 rdl, Andres Jensen Hauge i Lærdal 9 rdl, Bård Olsen Lysne, Lærdal 5 rdl, David Olsen Hegg frå Borgund (Dave Hegg, sjå «Hemsedal» s. 175/186) 26 rdl, Andres Volde (Vøllø) 8 rdl og til Bjørn Svensen Skolt 7 rdl. Borna til Tore og Anne: Ola 1796 d, Ola 1798-1843-45 g 1821 m Kari Andresdtr Trøym f 1798. Ola og Kari var tilhaldarfolk på Kyrkjebøn, dei åtte ingen jordveg. Born: Anne 1822, Knut 1825, Tore 1826 g 1851 m Birgit Nilsdtr Smøtte i Gol, Ragnhild 1831 d, Ingerid 1836. - Ola farta mykje omkring og førde nærmast eit taterliv. Han hadde ogso vore i lag med eit taterfølgje ei stund. Av dei hadde han lært å «skjera» (gjelde) hestar, drikke brennevin og banne - og han kunna til gagns alt dette. Dessutan hadde han lært ymse kunster, var reine trollmannen å kalle: fekk attlæste lås til å gå opp berre ved å blåse på dei, stemde blod osv. Når han var ute og reiste, hadde han oftast ein hund med seg, stundom två, og vart difor kalla *Hundeguten*. Dersom han treffe på ein hund, kunna han berre sprette klype og rope: Fjonk! so følgde hunden med. Han la sin elsk på Kari Trøym, og Kari vart reint vill etter han. Ho var frå ein av dei største gardane i bygden, ei 400 dalars gjente. Men Hundeguten hadde svarteboka og forgjorde henne med trolldomskunstene sine, trudde folk. Foreldra var imot gifting, men ingenting munte, korkje lokking eller trugsmaal, ho vilde ha Hundeguten. Og so vart dei gifte. Han heldt til på ein gard i Golsreppe då han døydde. Det var morgonen etter eit brennevinsrus. Han bad mannen i huset syngje for seg nr. 166 i Guldbergs Salmebok: Den onde ånd og djevel må dog bort. Mannen trudde det berre var fylleprat og ansa ikkje meir på det. Hundeguten sto opp og heldt på å kle seg, då datt han overende og var død. Dei leitte etter svarteboka i duntriet hans, men fann ingen ting. Folkesnacket vilde ha det til at han hadde selt seg til den vonde. - Det gikk mange historier om Hundeguten. Semlen mintest at han skar ein føle hjå Knut Grøv. Han var full, ajerte, ropte og banna og gjorde mange slags vitter kring hestehovudet med luva si, enten no dette var trolldomskunster for ramme alvor, eller det var for å dupere folk, skal vera usagt. Gamle-Eivind fortalde at Hundeguten skar ein hest hjå far hans i Grøndalsdøkken. Han bajerte sør på marken, kunna han minnast. Likeeins fortalde han at Jehans Grøto, som var snikker, hadde ei kiste som var attlæst, og lykjelen var burte. Hundeguten tok kista, bles i lykelholet, skok og snudde på kista, og låset gikk opp. Folk trudde og at Hundeguten kunna «gjera ette», dvs. mane tjuven til å koma att med det han hadde stole. Han kom eingong frå Lærdal og låg i Bjøbergo over natta. Den gjenta som tente der då, prøvde seg med å trolle då ho vart gift. Var ungane vrange, brende ho tysbast og viervang kring dei, og då roa dei seg. «Dette hørte jeg kona selv fortalte» (HF). Og smør fekk ho meir enn andre kjæringar. Folk trudde difor at ho hadde «hatt se å» å ransaka lommene til Hundeguten då han overnatta der, funne svarteboka og lese i henne. Embrik Grøto, seinare Hølgjahaugji, hadde skore seg stygt med ein ljå. Far hans rei til Kyrkjebøn og vilde få Hundeguten med seg til å stemme blodet. Hundeguten var nettupp på Tørsetsiun då, og faren måtte dit. Han treffe han der og bad han bli med seg. Men Hundeguten nekta. «Bloet vil stanse lell,» sa han, og det gjorde det. Knut Harahaug hadde hogge seg fælt i foteladet eingong. Ein mann strauk i veg etter Hundeguten det fortaste han kunna. Men då dei var komne sunnafor kyrkja, sa Hundeguten: «No ska bloet stå!» Og då dei kom til Harahaug, fekk dei høyre at det hadde slutta å blø nett ved det belet. Det sama hende med Lange-Svein Ålrust. Sonen Narve sprang berrføtt til Kyrkjebøn for å få Hundeguten med seg. «E behøve kjì følgji,

det ska stanse lell.» sa Hundeguten. Og det hadde det gjort. - Hundeguten drog på ei fillemerr eingong. Han heldt på å venja henne frå å drikke. «No ha e vant, merre mi frå å drikke, no vil e venja henne frå mat med.» sa han. Gav henne mindre og mindre. Og so kreperte merra, kan ein veta. So kom Svein Eirikson Haug 1768-1826-58 til Kyrkjebøn frå Hulbak g 1803 m Guri Olsdtr Ålrust 1781-1845-64 (ei kone Guri Olsdtr Kyrkjebøn er død i 1845, og det er venteleg henne, ei annan Guri Olsdtr Kyrkjebøn reiste til Bergen 1854): Guro 1804, Astrid 1806, Sigrid 1808, Kari 1811-12-1, Eirik 1813 rTA, heim ein tur 1881. Deretter kom brorsonen til Svein, Knut Olson Hulbak 1797-1864-67, til Kyrkjebøn g 1828 m Anne Knutsdtr Støle 1807-91-84: Ola 1829 bonde på Kyrkjebøn, Knut 1832 reiste ut or bygden (bonde ein stad i Hedmark). Ola (Oløgen dei kalla) fekk garden g 1850 m Olaug (Oløg) Sveinsdtr Ullsåk f 1834: Ingebjørg 1851 g 1873 m Botolv Kyrkjebøn, dei busette seg i Valdres (i Hemsedal hadde dei: *Mari* 1874, *Olaug*, 1876), Margit 1852-53-1, Svein 1854, Knut 1857, Margit 1859 døydde av tæring straks etter at ho kom over til Amerika, Anne 1862 g 1885 m Odd Kyrkjebøn, Birgit 1864, Oline 1866, Ola 1869 d, Olaug 1870, Ola 1873, Margit 1876. - Då Ola og Olaug skulde gifte seg, hadde Ola den sjeldsynte uheppa at brudgomsklede hans brann *før* han fekk brukt dei. «Ved å friske op dette minne erindrer jeg, at det er fortalt, at da Ola Jonsen Mykleset (Mykleseten) skulde gifte seg, brente loftet på Blakkestad, hvor hans brud hadde sine klær og annet heimaføl. Og det var natten *før* hun skulde flytte. Man trodde, ilden var påsatt av en eller annen forsmådd konkurrent» (HF). - Ola med huslyd rTA 1884. Dei selde då garden til Torleiv Sjugurdson Grøto 1852-1928. Torleiv vart g 1877 m Margit Olsdtr Ullsåk 1855-1953, Birgit 1878 g m Knut Knutson Jegerhaugji, busette seg i Lier, Birgit no død, Sjugurd 1880-1965 bonde på Kyrkjebøn, Ola 1883 g 1814 m Margit A. Viljugrein (sjå Skogly 67-23), Halvor 1886 g m Bertha Brenne frå Amot, dreiveigen forretning i Hokksund, no overteke av sønene (born: två gutar og tre gjenter), Liv 1888-1964 budde lenge i Lier, vart gravlagt der, Helga 1891-1957 g 1913 m Martin Granli i Sylling (dei hadde tre gutar og ei gjente), Margit 1894 g m Ola T. Flaget. - Torleiv var lenge med i heradsstyret og var varaordførar i fleire periodar.

Sjugurd (skreiv seg Syver) overtok garden g 1906 m Ingerid Olsdtr Grøndale 1879-1913-34. Han var i lang tid medlem av heradsstyret og forliksrådet, formann i Hemsedals landbrukslag, med i styret for Reinsamlaget som vart starta i 1924. Han følgde godt med i tida, varmt interessert for ungdomslaget og fråhaldslaget, open og ærleg, ein rettentkt samann på mange måtar og på mange felt. Garden sin dreiv han godt til han i 1926 overlet han til verson sin. Borna til Sjugurd og Ingerid: Margit 1906 g 1926 m Ola S. Jordheim f 1892 som overtok garden, Ingebjørg 1908 g m Engebret Engene, Birgit 1910 g m Jakob Bakke, Kari 1912 g 1933 m Nils Kristian Myren, Mæhren i Lier (dei har två gutar og två gjenter). Margit og Ola hadde garden til sonen Svein overtok i 1950. Ola var ein uvanleg driftig arbeidsmann og utførde mykje med jord og husbygging på garden, m.a. nye bustadhus og ny hytte på Mørekvam. Borna til Ola og Margit: Gunhild 1926 g m Torleiv Støyten, Svein 1928 bonde på Kyrkjebøn, Signrd 1931 disponert for Ål hyttebygg i Leveld g 1963 m Agnes Arnegard frå Ål (dei har två gjenter og ein gut), Trygve 1933 g m Anne O. Anderdal (sjå Granli 68-28), Ingrid 1936 g m Engebret O.Lien. Svein overtok garden 1950 og vart sama året g m Inga O. Langehaugen f 1939 (ho vaks upp på Øndredal 75-1, men far hennar var ifrå Gol). Han har bygt fleire hytter til utleige heime på garden og har arva styrke og arbeidskraft frå sine forfedrar. Skjønsmann. Garden har langstøl på Mørekvam, i eldre tid ogso på Kyrkjebønssletto, den er ikkje lenger i bruk, heller ikkje heimstølen oppå Kyrkjebønsslø. Borna til Svein og Inga: Marit 1962, Bjørg 1964, Ove 1972.

Andre huslydar i Kyrkjebønsgrenden:

Utanom dei ovafor nemnde, finst desse i kyrkjebøkene:

1. Det budde ein Henrik Heier der ei tid g m Margrete Jensdtr d 1753, 44 år gamål. Heier, som truleg var av utanbygds ætt, var korporal, i 1738 titulert som sersjant. Dei hadde: Marte ca 1734 g m ein Vilhjelm Bjørnson (sjå Langehauag), Jens 1737 d, Jens og Nils 1738 tvingar, Anne Marie 1743.

2. Ola Hansson Kyrkjebøn (f 1724) g 1756 m Sigrid Tomasdtr Trøym f 1717: Hans og Kristi 1761 tvingar, Gante 1763, Tomas 1766-76-10 drukna i Trøymsan, Anne 1768.

3. Ola Torleivson Kyrkjebønseigo g m Helgæ Persdtr (sjå Stølen).

4. Ein Knut Mekkelson g 1797 m Margit Kyrkjebønseigo, budde ei tid i Venåse og ei tid på Fausketeigji: Mekkel 1797-1886-89 tilhaldar på Fausketeigji, Helge 1800, Ola 1801-55-54 tilhaldar på Fausketeigji, Helge 1803, Dis 1806.

5. Elling Olson g m Birgit Olsdtr Kyrkjebønseigo: Mari 1828.

Andre døde på Kyrkjebøn: Svein Kyrkjebøn 1705, 64 år gamal. Margit Skadengård 1705, 63 år. Ingebjørg Kyrkjebøn 1751. Ivar Ellingson Kyrkjebøn 1752. Knut Knutson Kyrkjebøn 1769, 61 år. Ola Olson Kyrkjebøn 1811, 27 år. Sunnev Håkonsdtr Kyrkjebøn 1812, 65 år. Birgit O. Kyrkjebøn 1878, 14 år. Legdslem Anne Mekkel dtr Kyrkjebøn 1855, 85 år, dotter til Mekkel Olson Ullsåk og Rangdi Endresdtr Trøym.

Kyrkjene i Hemsedal

Den fyrste kyrkja - *stavkyrkja* - vart bygt på det gamle Skadvins grunn, truleg so tidleg som fyrstundes på 1200-talet. Kyrkja og legg staden (gravplassen) låg på eit flatt res, der ein har eit utifrå vakkert utsyn både nordover og sørøver bygda. Den gamle bygdavegen gikk her forbi.

Namnet Skadvin må vera svært gammalt, mykje truleg frå hedensk tid. Og det kan godt tenkjast at det her ein stad eller i nærleiken var ein hedensk helgedom (hov) og samlingsstad for folket i fjelldalen. I kristen tid vart kyrkjene gjerne lagde til slike midstader, so den religiøse kulturen kunna halde fram der folket var vane med å møtast. Både Skadvin, eller Skadengård som det seinare vart skrivi, og likeeins Haug vart lagde under prestebølet og skatta til det. I manntalet for 1664-66 er Haug kalla Hoff (Hov). alt dette fortel at Kyrkjebøn (kyrkjebøen) var eller låg i nærleiken av ein gamal helgestad.

Den gamle stavkyrkja var lite tenleg til samlingshus vinterstider, gisen, kald og uelda som ho var. Og ved kgl. resolusjon av 25. mai 1878 vart det gjort vedtak om at bygda skulde få *ny kyrkje*. Ho vart bygt sør ned for Trøym på den flate, langtøygde Skeiekjølva og vigsla av biskop C. P. P. Essendrop 7. juni 1882. Den siste messa i gamlekyrkja var den 9. juli sama året, og om hausten vart ho riven (diverre får ein leggje til). Men tufta og leggstaden vart freda. Ved ei utgraving og restaurering av stavkyrkjetufta i 1963 under leing av arkitekt Håkon Christie frå Riksantikvariatet vart det gjort fleire forvitnelege funn: ei pileodd, søljer, kring 250 gamle mynter og signetet til biskop Henrie av Stavanger. Hallingdal høyrde i mellomalderen til Stavanger bispedøme, og Henrie var biskop der frå ca 1207 til 1224. Kan hende har han mista signetet under visitas - eller vigsling av Stavkyrkja - i denne tidbolken. Bilete av stavkyrkja s. 8. Den nyaste kyrkja i Hemsedal - *Lykkjakapell* - vart vigsla av fungerande biskop Erling Tobiassen søndag 20. august 1961. Dette gudshuset har vorte ein kjær samlingsstad både for grendefolket og feriefolket. Sjå bileta s. 89 og 911 Meir om desse kyrkjene i *N. Nicolaysen: Norske Fornlevninger, Kra. 1862-66 s. 153, i. Dietrichson: De norske Stavkirker, Kra. 1892 s. 345, Hans Flaten: Hemsedal 1814-1914 s. 139/150, Ola Rudvin og Trygve M. Davidsen: Kapellet ved Skogshorn, Oslo 1962, Trygve M. Davidsen: Den gamle stavkirken, Oslo 1964. Ved amerikafesten i Hemsedal 4. juni 1914 var det planlagt ein tur til den gamle stavkyrkjetufta og leggstaden der, men det vart ikkje tid til dette. Her skulde Hans Flaten ha helde tale. Manuskriptet til denne talen tok han med i fyrste utgåva av Hemsedals Slektshistorie (s. 231), og me gjev ho att her: I gamal tid tenkte folk sig, at når det skulde være riktig festilig og høitidsfullt ved jul og gjestebud, kom åndene åt de avdøde slekninger og deltok i festen. Hvormeget eller hvorlitet sandt det er i denne mening, det vet ingen dødelig, men det synes vi, at tanken er inderlig vakker. De, som vi var knyttet til med blodets bånd, og som døden hadde skilt fra os, og som vi levende stod med sorg over - hvor hyggelig når vi for en liten stund, om bare i tanken, kunde slå bro over det svelgen de dyp, som skilte os fra vore bortfarne kjære. Det er ut fra en slik tankegang vi ved denne fest valfarter til de bortfarne slekters graver for der å leve en liten stund i minnet om dem.*

Her ved den gamle kirketomt tenker vi på, hvor hvert menneske i bygden blev som barn båret til dåpen. Og fra 1736 kom de hit for selv at gi håndslag på sin dåps pakt. Vi tenker på, hvor de kom her de par, som var blet forlikte om å følges, til døden skilte dem. De kom her i sin beste pynt. Og de knelte ned trygt med håp og fred og i sommerdrømme glade. Vi tenker på kirkereise efter kirkereise, da de gamle slekter samledes om ord og nattverd. Mange gikk hit, til de var gamle, kom her kanskje med stav i hånd, undredes på, om det var siste vandringen hit. De sat her med alderdommens alvor over sig, og fra det dypeste alvor steg sukket som så: Jeg må snart drikke dødens kalk, il herre Gud, er det din vilje, så gjør den ikke for bitter for mig! De tømte kalken og blev bårne hit, slekt efter slekt. De hadde selv været med å bære den eldre slekt hit, nu var det *deres* tur. De var her å kalle bare nogen dager, så gikk de inn i evighetens evighet. Til de gamle, som står her nu, kan vi si: Her ligger støvet av din far og kviler efter en lang og tung arbeidsdag. Her ligger støvet av din mor, som elsket dig med en mors varme kjærlighet, hun som aldrig blev trett av å tjene dig, hun hadde gjerne gitt livet sitt for at du skulde ha det godt. Må ikke ditt hjerte banke av takk, når du står ved den flekk av jord, hvor hun hviler. Trekk dine sko av, ti det sted, som du står på, er hellig. Det må være en hellig plikt for efter-slekten å verne om dette sted, sålenge folk bygger og bor i dalen. Her på denne gråtsprengte mark har det steget op mangan underlig tanke hos dem, som fulgte sine kjære hit. Hvor mangan søn og datter har ikke stået her ved fars og mors grav og tenkt: Kunde jeg få svalle ved dem om bare en liten stund, jeg vilde be dem tusenfold om tilgivelse for, at jeg i uforstand gav dem sjelesar, at jeg i uforstand ikke gav dem nok brød eller godt nok stell. Men dessverre var det ikke noe svar å få på det. Det blev i manges tanker et åpent sår, som aldrig grodde. Men de unge, som i kjærlighet hadde tjent de gamle, de kjente glede i hver liten tjeneste, de hadde gjort dem. Å for en historie den gamle kirke og kirkegård har! En for en blev Hemsedals folk senket ned her. I en tid av over 600 år. Stundom kunde de også komme i skarevis. Som ved den sorte død. Og i 1773 gikk en sott over bygden. Den rev med sig en

stor hop av bygdens folk i deres beste manndomSalder. Utover våren var det likferd nesten hver dag. Og barnesykdommer rev med sig mangel veldig buket. En 8-10 tusen hemsedøler kviler her. Fra det spede barn til oldingen på 100 år. Tenk for en sum av smerte, om bare dødens smerter, de 8-10 tusen har lidt! De stridde så mangel strid fysisk og psykisk, de hadde svettet så mangel dråpe, grått så mangel tåre, sukke så mangt et tungt sukk. Det var mangt, som klemte for bringen. Det var sut for det daglige utkomme. Det var sorg ved hvert fagert håp, som brast. Det var sut for hvert barn, som vingekledt fløi ut av redet. Det var slit og slep. Det var mangt, som var kravfengt for dem, som er lettere for oss. Og folk gjør hverandre så megen fortred, åpenbart og lønlig. De fleste av dem, som levde lenge, vilde kanskje si, at livet var en vandring «mellem slanger på tørre steder». Tenk over det synderegister denne store skare hadde tilsammen! Å du verden for et register! Men denne side av deres liv vil vi slå en strek over. Vi ønsker alle av vort inderste hjerte, at all deres synd var forlatt! Vi ønsker alle av vort inderste hjerte, at alle som kviler her, måtte være iblandt *Den store hvite flokk vi se som tusen bjerge full av sne med skog omkring av palmesving for tronen, hva er det Det er den helteskare som av hin den store trengsel kom, og har seg todd i Lammets blod til himlens helligdom. Der holder de nu kirkegang med uophørlig jubelklang i høie kor, hvor Gud han bor blandt alle englers sang.*

Villastrøket matrikulert under Kyrkjebøn

I Midtbygden i Hemsedal har det i nyare tid auka på med forretningar og verksemdar av ymse slag. Dette førde med seg at det var turvande med langt fleire bustadhus enn før. Under Trøym er det matrikulert burtimot 30 nye bustader og under Kyrkjebøn burtimot 70 nye til no. Storparten er bygt det siste tiåret. Det utbygde området under Kyrkjebøn har vore kalla *Skogajordet*. alle dei som har busett seg i dette strøket, nyttar sitt eige ættenamn i skrift og tale. Bustadene har rett nok fått sitt namn under skyldsetjinga (dei er alle nylaga namn og alle kan brukast med preposisjonen «på»), men i grenden seier dei gjerne: hjå N.N. (namnet på eigaren). Inn under matrikelnummer 68 og 69 høyrer no desse eigedomane:

Granly

Gnr 68, bnr 8.

Eirik E. Hølto 1882-1969 kjøpte tomt av Knut Rudningen og bygde og busette seg her på Granly kring 1926. Han dreiv ei tid som skomakar. Fyrst reiste han omkring på gardane og arbeidde der, sea tok han skoarbeidet til seg heime. Arbeidde og ein del som bygningsnikker. Ugift. Leigebruar hjå Eirik Hølto: Jørgen Hansen frå Lier f 1891 g 1918 m Olaug E. Hølto 1890-1963. Dei var barnlause. Jørgen er utlærd agronom og dreiv som bonde på Eiker og andre stader. I 1947 fløtte dei til Hemsedal og fekk seg husvære på Granly hjå bror til Olaug. Jørgen har for det meste drivi med skogsarbeid. Han kjøpte tomt av Ola Kveen, Bråthen, og bygde hytte der i 1958, men selde henne att.

Auto I

Gnr 68, bnr 12. Hemsedal Bilverkstad.

Sørbygden Handelslag var fyrst ute med ein kombinert rute- og lastebil Gol-Hemsedal i 1920, og det var visstnok ogso den fyrste bilen i bygda. O. H. Løken var sjåfør i mange år (sjå 59-49). Etter kvart fekk handelslaget og andre fleire bilar, både personbilar og lastebilar. Omsider kom det i stand eit billag: A/L Hemsedalbilane. Det var Hemsedal samvirkelag, Tuv samvirkelag og Hemsedal Forbruksforening som slo seg saman om dette i 1937. Nokre private var ogso frå fyrsten mindre deleigarar. Seinare kom Hemsedal Meieri med.

A/L Hemsedalbilane kjøpte tomt hjå Ola Haug, Rudningen, og bygde verkstad her, som var ferdig til bruk i 1940. Verksemda og antal køyrety har med tida auka, so bilselskapet no har 4-5 bussar i bruk, 2 drosjebilar og 7 lastebilar i drift om sommaren. Her er 9-10 faste sjåførar året rundt og nokre ekstra om sommaren. Disponentane for bilselskapet har vore: O. H. Løken 1937-38 (1 år), *østen Thorset* 1938-44 (6 år), *Peder Snerthe* 1944 til 1. april 1948 (4 år), *Svein A. T. Viljugrein* frå 1948 til 1. mai 1953 (5 år) og *Per Løvehaug* frå 1953 til sin død 1975 (burtsett fråeit år då utbygdingen Bjørn Johnsen var disponent). *Anton Bjørli* har vore verksmeister frå 1940, og på verkstaden er fleire mann i arbeid året rundt. Verkstaden har vorte utvida, og det er ogso bygt eit garasjebygg med bustadrom over. Selskapet kjøpte ogso tomt hjå Knut J. Grøthe på andre sida av riksvegen med tanke på eventuelle utvidingar. Her er det no bygt ein Shell bensinstasjon med Sal av bensin og rekvisita.

Auto II

Gnr 68, bnr 21.

A/L Hemsedalbilane.

A/L Hemsedalbilane kjøpte tomt hjå Ola Haug, Rudningen, og bygde garasjebygg her med bustad i andre høgda. Dette heller store murhuset vart ferdig i 1956. Det romer 6 garasjar, arkivrom og matrom for arbeidsfolka. Vidare er det husvære for två huslydar og två hyblar. Husværa har vore nytta til dei som arbeider hjå bilselskapet. Etter kvart fekk bygda eit godt utbygd kommunikasjonsnet av rutebilar, varebilar, mjølkebilar osv. Her har A/L Hemsedalbilane gjort ein stor innsats, som bygdafolket har vore takksamt for. Men elles er å seie at i det siste - serleg etter krigen - har ein stor del av folket i bygda fått seg bilar sjølve, både personbilar og varebilar. Det er vel no bil på mest kvar einaste gard. Hytteeigarane og feriefolket har ogso sine eigne private bilar, so det blir mindre på rutebilane. Attåt annan køyring kjem so ein del skulekøyning. I alle år sea kring 1914 har Lærdalsbilane hatt rute gjennom Hemsedal.

Fagervoll

Gnr 68, bnr 13.

Eigar: byggmeister Ole Stillingen. I 1939 kjøpte han tomt hjå Ola Haug, Rudningen, bygde bustadhus og fløtte inn på Fagervoll i 1940, bygde sea ogso uthus. Ole Stillingen f 1897 er frå Drammen, der foreldra hans fyrst budde, sea kjøpte dei garden nedre Borgen i Vikersund og busette seg der. Ole har drivi med hushyggning, fyrst på dei kantane han var ifrå og sea i Hemsedal. Hit kom han i 1926. G 1937 m Margit O. Flaget f 1912. Ingen born.

Finstad

Gnr 68, bnr 14.

Eigar: Arne O. Finset. Han kjøpte tomt av Ola A. Kirkebøen d.e. i 1947 og bygde bustadhus, som dei fløtte inn i i 1948. Arne styrde Hemsedal forsyningsnemnd frå 1939, og frå 1946 har han vore likningssjef, konstituert fyrst og so fast tilsett. Arne f 1919 vart g 1948 m Anna P. Markegård f 1926. Born: Olga Marie 1949 g 1972 m lærar Arne Engebakken frå Nesbyen d 1974, Liv 1952, Astrid Merete 1960. -- Arne var med i heimestyrekanen. Overformyndar frå 1947, kyrkjeverje frå 1961. Har bygt seg hytte på Trefun og overteke stølsbua på Holstein, ein ettersommarstøl mellom Holsteintind og Fjellstølo.

Bjørli

Gnr 68, bnr 15.

Eigar: Anton Bjørli. Tomta er komen undå Kyrkjebøn 68-2, der kona til eigaren er ifrå. Bygde bustadhus som dei fløtte inn i 1947. Anton Bjørli f 1898 på Lesjaskogen i Gudbrandsdalen g 1943 m Gunvor K. Kirkebøen f 1919. Ingen born. Han kom til Hemsedal kring 1940 og har sea då vore verksmeister på Hemsedal Bilverkstad (A/L Hemsedalbilane).

Stallheim

Gnr 68, bnr 16.

Steinmoen og Kirkebøen Trevarefabrikk.

Eigarar: Kristen Engebret Steinmoen og Knut K. Kirkebøen. Dei fekk seg tomt her hjå verfar og far Knut O. Kirkebøen, eigar av Kyrkjebøn 68-2. Bygde snikkerverkstad i 1949, som dei tok i bruk 1950. Fyrste året var dei tre mann i arbeid der, dei sjølve og ein gut på 17 år. Omsetningen fyrste året var på ca kr. 24 000. Etter 12 års drift rundt kr. 200 000. Verkstaden eller rettare trevarefabrikken vart utvida fleire gonger og maskiner og mannskap i takt dermed. I 1956 bygde dei lagerhus med kappe og lager for materialar og ferdigvarer. Det var møbelsnikking dei tok til med, men gikk snøgt over til fabrikering av dører og glas, deretter ogso innreiingsarbeid. Av dei mest krevjande innreiingsarbeid dei har hatt, kan nemnast restaureringa av Salen til Kunstnarforbundet i Oslo, interiøret til Lykkja kapell, til Kommune- og samfunnshuset og til Gol ungdomsskule og gymnas. Dei har ogso skaffa seg neddupingsanlegg for impregnering, men ein del av ferdigvarene blir køyrt til Eiker Bruk for trykkimpregnering. Dei har og prøvd seg med produksjon av trekvit husbunad. Dei kjøper det meste av trevirket frå Nes, som har betre skogsvyrke enn Hemsedal. Over halvparten av ferdigvarene går utanbygds, det meste til Drammen. (Sjå elles Skadvin 68-17.) Arbeidsstyrken har vore på 6-7 mann.

Skadvin

Gnr 68, bnr 17.

Eigar: Kristen Engebret Steinmoen til sin død 1975. Tomta er komen undå Kyrkjebøn 68-2, der kona hans er ifrå. Dei bygde bustadhus og fløtte inn her i 1951. Steinmoen var frå Nes f 1916. I ung alder tok han til i snikkerfaget. Arbeidde fyrst i Nesbyen, men kom til Hemsedal i 1944 og arbeidde på snikkerverkstad her til han og Knut K. Kirkebøen, verbror hans, bygde sin eigen verkstad i 1949: *Steinmoen og Kirkebøen Trevarefabrikk*. Han åtte dessutan gardsbruket i Rukkedalen der han vaks upp, samen med foreldre og syskin. Bygde fire hytter for utleige ved Gravset, men selde den eine att. Han vart g 1945 m Karoline K. Kirkebøen f 1921. Born: Gunhild 1946 g 1966 m Rolf Willy Nymoen frå Elverum f 1940 (sjå 68-45), Birgit 1947 g 1966 m Kjell Erik Eggen f 1948, *Karin Olveig* 1950 og *Astrid Lillian* 1961 (sjå 68-70). - Kristen døydde brått i 1975.

Fjellstad

Gnr 68, bnr 18.

Eigar: Engebret Eggen. Han kjøpte tomt av Ola A. Kirkebøen d.e. og bygde bustadhus på Fjellstad, som dei fløtte inn i 1952. Engebret Eggen f 1916 i Hovet i Hol, g 1946 m Eva Johanne Leonsen frå Eidsvoll f 1926, er yrkessjåfør og kom til Hemsedal 1945. Sea då har han køyrt for A/L Hemsedalbilane. Han har kjøpt hytte ved Gravset hjå Kristen Engebret Steinmoen. Born: Ernst Tore 1946 g 1967 m Ann Louise Larsen f 1949, Kjell Erik 1948 g 1966 m Birgit Steinmoen f 1947, Gunnar 1954, Terje 1958, Bente 1965.

Granerud

Gnr 68, bnr 19.

Kristian i. Markegård kjøpte tomt av Ola Haug, Rudningen, bygde seg hus og fløtte inn på Granerud i 1952. Seinare sette han ogso upp uthus. Kristian 1915-72 vart g 1945 m Inga Solveig Båstø f 1919. Born: Leif Ottar 1947, Ragnhild 1949, Anne Marie 1957. - Kristian var ei tid medeigar i snikkerverkstad, men vart so damvaktar for Oslo Lysverker. Skjønsmann. Var med i krigen 1940 (i Haugsbygden ved Hønefoss) og sea med i heimestyrykane. Han døydde brått i 1972. Leif Ottar er utdana diakon med sosialskule i tillegg, no tilsett ved Drammen sosialkontor, g 1970 m Signe Berit Aadland frå sandnes i Ryfylke (dei har ein gut).

Solli

Gnr 68, bnr 20.

Eigar: Ola O. Dokk. Han fekk seg tomt hjå Ola A. Kirkebøen d.e. og bygde seg hus her, som dei fløtte inn i 1954. Ola Dokk f 1922 vart g 1950 m Ingrid O. Grøthe 1931-70. Han er lastebileigar og driv som yrkessjåfør. Born: Oddvar 1950, Bjarne 1952, Arnstein 1956, Astrid 1961.

Granstad

Gnr 68, bnr 27.

Det var Oskar P. Fekene som kjøpte denne tomte hjå Ola Haug, Rudningen, og tok til med å byggje hus her kring 1953. Men då huset var omlag halvferdig, selde han det til Ivar Hjelmen, som bygde det ferdig og busette seg her på Granstad. Ivar K. Hjelmen 1903-73 g 1954 m Margit O. Grøthe (Snerthe) f 1915. Born: Randi Kristin 1955. Ivar var yrkessjåfør og køyrde i mange år rutebilen Gol-Hemsedal for A/L Hemsedalbilane. Ivar var med i Heimestyrykane. Han døydde brått i 1973.

Granli

Gnr 68, bnr 28.

Eigar: Trygve Kirkebøen. Han kjøpte tomt hjå Ola A. Kirkebøen d.e. og bygde bustadhus her, som var ferdig i 1959. Han leigde fyrst burt det eine husværet, men i 1960 fløtte han sjølv inn og tok i bruk andre høgda. Trygve O. Kirkebøen f 1933 vart g 1960 m Anne O. Anderdal f 1923. Born: Marianne 1961, Olaug 1962, Terje 1964. Trygve tok tidleg til med snikkeryrket og arbeidde i fleire år på trevarefabrikken hjå Steinmoen og Kirkebøen, men for ei tid sea bygde han sin eigen verkstad og har no fleire mann i arbeid.

Bergtun

Gnr 68, bnr 29.

Eigar: Odd Bråthen. Han kjøpte tomt av Ola K. Kirkebøen d.e. og bygde hus her, som han fløtte inn

i 1958. Odd Bråthen f 1926 er frå Modum g 1950 m Karoline I. Haugen f 1927. Han har for det meste drivt som bygningssnekker, Karoline som sydame attåt. Born: Harald Ingar 1953, Stein Kåre 1968.

Norheim

Gnr 68, bnr 30.

Eigar: Emil Lien. Han kjøpte tomt hjå Ola A. Kirkebøen d.e. og bygde seg hus her, som han fløtte inn i 1958. Emil O. Lien f 1929 er frå Lio i Hemsedal g 1972 m Sigrid K. Flaget. Born: Inger-Berit 1972. Emil er snikker og har arbeidd hjå Steinmoen og Kirkebøen i mange år. Har kjøpt tomt og bygd två hytter til utleige i Mørkedale. Driv no som byggmeister.

Steinsrud

Gnr 68, bnr 32.

Eigar: Olav J. Dokk. Han kjøpte tomt hjå Ola A. Kirkebøen d.e. og bygde hus her, som han fløtte inn i 1959. Olav hadde garden Søre Eikre 51-1 til han i 1930 kjøpte Bjøberg fjellgard. Der var han til han fløtte åt Steinsrud. Olav har vore ein flittig arbeidsmann, serleg i skogen har han likt seg godt. Olav f 1892 vart g 1920 m Barbo O. Elbjør frå Gol f 1894. Born: Jeger 1920, Ola 1922 g m Ingrid O. Grøthe, Birgit 1923 g 1948 m maskinist Ludvik Lyseggen frå Trysil (dei har två gjenter), Olaug 1925 g m skulesjef Olav Sletten.

Hvalheim

Gnr 68, bnr 33.

Eigar: Godtfred Finsrud. Han kjøpte tomt hjå Ola A. Kirkebøen d.e., bygde og fløtte inn her 1961. Godtfred Finsrud er frå Stavanger f 1903 g 1932 m Olga Viktoria Myrvold frå Geithus på Modum f 1907. Dei har vore i Hemsedal frå kring 1940. Godtfred er bygningssnikker, og om vintrane dreiv hal. lenge på kvalfangst. Born: Marion Sylvia 1933 (f på Geithus) g m Bjarne Daniel Svendsen frå Stavanger (dei har ein son *Freddy* 1954 som bur hjå besteforeldra).

Skoglund

Gnr 68, bnr 34.

Eigar: Ola E. Halbjørhus. Han kjøpte tomt hjå Ola A. Kirkebøen d.e. og bygde hus som han fløtte inn i 1963. Ola f 1931 g 1954 m Kari Gerd Svare f 1933. Born: Ivar Erik Svare 1954, Bjørn Morten 1956, Elin Alice 1961. Ola er malar av yrke. Han har vel arva noko frå bestefar sin på Grøto, som var rosemalar.

Øyli I

Gnr 68, bnr 35.

Eigar: Knut K. Kirkebøen. Han fekk tomt her av farsgarden Kirkebøen 68-2, bygde og fløtte inn her i 1963. Knut f 1923 vart g 1959 m Magnhild O. Flaget f 1925. Born: Birgit 1961, Målfrid 1963. Knut er verkstadeigar og dreiv Steinmoen og Kirkebøen Trevarefabrikk samen med verbror sin.

Leigebuar: Alf Petter Tandberg frå Horten f 1955. Arbeider ved Horten Konserv.

Øyli II

Gnr 68, bnr 36.

Sama eigar som på Øyli I, og denne tomte er og kome undå 68-2. Knut K. Kirkebøen bygde hytte her i 1957. Hadde fyrst leigebuar her, men frå 1960 budde han her sjølv til han og kona fløtte over til Øyli I. Leigebuar her ei tid: turistsjef P. Frantsvold med huslyd. Frantsvold var frå Oslo, og Ingund, kona hans, frå Gjerdrum. Dei har ein son: Thomas 1973. Dei fløtte til Oslo att i 1974. - Ny leigebuar: Tore Knudsen f 1947 og kone Britt Øygunn f 1947. Barn: Camilla 1972.

Øyberg

Gnr 68, bnr 38.

Eigar: Ola Solbakken. Kjøpte tomt hjå Ola A. Kirkebøen d.e., bygde hus og fløtte inn her i 1962. Ola Solbakken er frå Matsfjorden i Hordaland f 1911, g 1937 m Randi Hedvik Alise Leonsen frå Eidsvoll f 1914. Born: Gerd Haldis 1940 (f i Gol) g 1960 m Arne Gundersen frå Lambertseter ved

Oslo, Rolf Helge 1947 (i Valdres) g 1970 m Inger Dihle frå Hønefoss (dei bur i Hemsedal). Ola Solbakken er bygningsnikker og har arbeidd i Hemsedal frå 1956. Sonen Rolf Helge arbeider ogso som bygningsnikker.

Soltun

Gnr 68, bnr 41.

Eigar: Ole Juven. Det var Ola A. Kirkebøen d.e. som i si tid bygde hytte her på Skogajordet, som dei ofte kalla det før. Han leigde burt denne hytta i mange år, men i 1962 overtok Ole Juven denne bustaden og fløtte hit. Ole S. Juven frå Gol f 1935 g 1961 m Olaug O. Grøthe f 1941 kom til Hemsedal i 1959 og tok til med bakeri samen med Sigurd Flaget. I 1960 overtok Ole heile verksemda og dreiv bakeriet til han i 1966 fann å måtte slutte. Dreiv i fleire år bakeri i Gol samen med Konrad Fauske. Arbeider no som bygningsnikker. Borna til Ole og Olaug: Marianne 1965, Solveig 1967.

Bakketun

Gnr 68, bnr 43.

Eigar: Olga og Lars Juvet. Kjøpte tomt av Oskar P. Fekene og bygde hus der i 1968, men fløtte ikkje inn før i 1971, dalars slutta som styrar på Tuv samvirkeleg. Han hadde då vore styrar sidan 1924. Lars Juvet f 1903 i Eggedal vart g 1921 m Olga Helgesen f 1902 i Nore. Born: Gudrun Kristine 1923, Kåre 1926, Reidar 1928, Inger Marie 1929, Leif Oddvar 1933, Einar Olav 1943. Gudrun Kristine 1923 g 1943 m Odd Østenfjor, Nesbyen (dei hadde ein gut som er død og har ei gjente som lever), Kåre 1926 g 1950 m Gudrun Kristine Øen, dei bur på Geilo (har tre gitar og ei gjente), Reidar 1928, ugift, bur på Kongsberg, Inger Marie 1929 g 1954 m Carl Johansen, Nøtterøy (har ei gjente), Leif Oddvar 1933 g 1955 m Margit Storejordet, dei bur i Hemsedal (har ei gjente og ein gut), Einar Olav 1943, ugift, bur heime.

Haugheim

Gnr 68, bnr 44.

Eigar: Birgit og Kåre Syversbråten. Tomta er fråskyldt Kyrkjebøn 68-2. Dei fløtte inn i huset sitt i 1970. Kåre Syversbråten f 1945 er malar av yrke, g 1967 m Birgit T. Tuv f 1948. Born: Ingeborg 1967, Olav 1969.

Haugli

Gnr 68, bnr 45.

Eigar: Gunhild og Rolf Willy Nymoen. Tomta er fråskyldt Kyrkjebøn 68-2. Dei fløtte inn i huset 1969. Rolf Willy Nymoen frå Elverum f 1940 g 1966 m Gunhild Steinmoen f 1946. Nymoen driv eigen rørleggjarverksemd i Hemsedal, og kona hans arbeider på Likningskontoret. Born: Ole Christian 1966, Vita Kristin 1968. Gunhild er medlem av kommunestyret.

Bekkely

Gnr 68, bnr 46.

Eigar: Arnt Bækken. Han kjøpte tomt av Oskar P. Fekene (68-1), bygde hus og fløtte inn her 1965. Arnt Bækken f 1937 vart g 1958 m Lilly O. Engene f 1937. Foreldra hans er ifrå Gol, men sjølv vaks han upp i Hemsedal. Har vore bankkasserar i Hemsedal Sparebank frå 1963. Born: Oddny Marie 1959, Annelise 1961, Oddveig Tor. unn 1975.

Seljetun

Gnr 68, bnr 47.

Eigar: Knut Haug. Han kjøpte tomt hjå Ola Haug, farbror sin, og bygde seg hus her i 1954. Knut T. Haug f 1930 vart g 1968 m Borghild Sortebråten frå Gol f 1939. Born: Torgeir 1969, Ingrid Birgithe 1971 d, Leif Erik 1973, Øyvind 1976. Knut er verks meister på Hemsedal Bilverkstad. Av farsgarden fekk han den gamle stølen i Preinsrud, der han har bygt ny hytte. Knut har hatt fleire leigebruarar på Seljetun, soleis ei tid broren Gunnar som no bur på Hovvin 68-61.

Aalheim

Gnr 68, bnr 48.

Eigar: Torbjørn Aalrust. Han kjøpte tomt av Oskar P. Fekene 68-1 og bygde seg hus som han fløtte inn i 1966. Torbjørn f 1921 har ein lang og allsidig arbeidspraksis bak seg. I det siste har han i fleire år arbeidt på trevarefabrikken hjå Steinmoen og Kirkebøen.

Myrmo

Gnr 68, bnr 49.

Eigar: Magne Flaget. Han kjøpte tomt hjå Ole K. Kirkebøen 68-2, bygde seg hus og fløtte inn her i 1966. Magne Olav Flaget f 1939 vart g 1966 m Randi Helene Braathen frå Bærum f 1945. Han arbeider som elektrisk hjå Hemsedal kommunale Elektrisitetsforsyning, og kona har hatt deltidsarbeid hjå Steinmoen og Kirkebøen. Born: Mette 1967, Henning 1971.

Bjarnebu

Gnr 68, bnr 50.

Eigar: Bjarne Fekene. Han kjøpte tomt hjå Oskar P. Fekene 68-1, bygde seg hus og fløtte inn her i 1965. Bjarne O. Fekene f 1933 vart g 1956 m Mina T. Berget f 1937. Born: Ove 1957, Wenche 1958, Terje 1962. Bjarne er yrkessjåfør og har køyrt for ymse bileigarar innan bygda, no i fleire år for A/L Hemsedalbilane.

Fjellstad

Gnr 68, bnr 51.

Eigar: Erik Roteigen. Han kjøpte tomt hjå Ole K. Kirkebøen 68-2, bygde seg hus og fløtte inn her i 1965. Før hadde dei i mange år buttt på «Hugnadheim». Erik Roteigen er frå Gol f 1922, son av Ola og Guri Roteigen. Han har vore buande i Hemsedal frå 1936 og har drivi med ymse arbeid, for det meste som maskinkøyrar og sjåfør. No er han ogso landpostbod og har den daglege ruta i nordre halvparten av Trøym krins og nordover til Tuv, Grøndale og Lio. Erik vart g 1945 m Emma Jenny S. Jordheim f 1923. Born: Gerd Aud 1945 g 1965 m Kristian Halbjørhus, Sverre Ottar 1947, Egil 1948 g m Jofrid Ellingsen frå Aurland, Toril 1949-75. - Erik var med i heimestyrkane under krigen.

Grønlund

Gnr 68, bnr 53.

Eigar: Syver K. Grøthe. Han kjøpte tomt av Ola Haug 68-3, bygde seg hus som han fløtte inn i 1966. Syver K. Grøthe f 1927 vart g 1956 m Birgit Marie N. Storeskar f 1931. Barn: Knut Norvald 1957. Har arbeidt på fleire trevarefabrikkar, no sist hjå Steinmoen og Kirkebøen (frå 1958).

Haugli

Gnr 68, bnr 54.

Eigar: Ejvind Korfits Larsen frå Danmark f 1925 g m Magny Larsen frå Brønnøy f 1918. Dei fløtte hit frå Førde i 1959,

og Ejvind har vore drifts assistent ved Meieriet sea då. Kjøpte tomt av Ola Haug og fekk seg sitt eige hus i 1967. Born: Sverre Erik 1947, pølsebakar, gift og busett i Drammen, Ann Lousie 1949 g m Ernst Tore Eggen f 1946, Helge 1951.

Solhaug

Gnr 68, bnr 57.

Eigar: sagbruksarbeidar Trygve Pettersen f 1934 g 1957 m Randi Prestegårdshus f 1931. Born: Grethe Berit 1958. Dei kjøpte tomt av Ole Haug, bygde og fløtte inn her i 1967. Trygve har vore tilsett ved Kirkebø sag i mange år.

Hjørnebu

Gnr 68, bnr 59.

Eigar: murar Frank Bækken f i Hemsedal 1940 g 1965 m Marta Karin Skjær fra Lærdal f 1945. Dei kjøpte tomt av Ola Haug, og huset vart ferdig til innfløting 1968. Born: Arne 1966, Karin 1969. - Medlem av kommunestyret.

Hovvin

Gnr 68, bnr 61.

Eigar: Gunnar Haug. Fløtte inn i huset 1961. Gunnar f 1933 er utdanna som bankmann, og før han vart tilsett som banksjef i Hemsedal Sparebank 1962, arbeidde han i Ål Sparebank. G 1958 m Anne Marie Markegård f 1936. Born: Ingvild 1961, Lars Tore 1972.

Knutingarheim

Gnr 68, bnr 62.

Eigar: pølsemakar Knut A. Anderdal. Tomta vart kjøpt av Oskar P. Fekene. Dei fløtte inn i huset i 1969. Knut f 1920 har vore tilsett i Hemsedal Kjøttforretning i over 20 år. G 1951 m Ingebjørg Hilde frå Nesbyen f 1929. Barn: Arild 1953.

Heimro

Gnr 68, bnr 65.

Eigar: sagbruksarbeidar Henrik Prestegårdhus f 1924. Kjøpte tomt av Ola Haug, bygde og fløtte inn her i 1969. Henrik har vore tilsett hjå Kirkebø sag i mange år.

Skogatun

Gnr 68, bnr 66.

Det var Olav Grøthe som kjøpte tomt av Ola K. Kirkebøen og bygde her i 1969. I 1972 fløtte han til Asker og selde huset til noverande eigar, Guro Ulsaker f 1916. Guro dreiv i nokre år samfunnskafeen i Kommunehuset men slutta der ved nyår 1973. Sea har ho hatt sitt arbeid på Bygdaheimen.

Helling

Gnr 68, bnr 67.

Eigar: Ingrid Hovde f 1911. Ho kjøpte tomt av Ola Haug og fløtte inn i det nye huset sitt i 1969. Ho er utdanna frisørdame og dreiv eigen frisørforretning til 1966. Sea har ho arbeidd på ymse kafear og hotell.

Skogheim

Gnr 68, bnr 68.

Eigar: urmakar Anders Skogheim f 1912. Er frå Gol, men har i fleire år vore busett i Hemsedal.

Skogajordet I

Gnr 68, bnr 69.

Kommunal bustad, ferdigbygd 1970. Her bur f.t.: Kommuneingeniør Georg Rydningen frå sauda i Ryfylke f 1942, g 1967 m Edith Håtuft frå Odda f 1943. Kom til Hemsedal 1968. Born: Johnny Vestrheim 1962, Svein Erik Vestrheim 1963, Heidi Ranveig Rydningen 1971.

Skogajordet II

Gnr 68, bnr 73.

Kommunal bustad, ferdigbygd 1971. Her bur f.t.: Bjarne Li frå Mosvik f 1937, g 1967 m Unni Rigmor Pallan frå Byneset f 1942. Han er fyrstelærer ved Hemsedal barne- og ungdomsskule. Kom til Hemsedal i 1975. Born: Jørund 1968, Tonje 1972.

Granelien

Gnr 68, bnr 74.

Eigar: meieristyrar Johs. Marstein frå Lom f 1930 g m Embjørg Krokstad frå Sjøk f 1933. Han har vore styrar for Hemsedal Meieri frå 1. juli 1970. Born: Torhild 1955, Rolf Sigmund 1957-72, sette

livet til ved ei bilulykke i Hemsedal, Eli 1960, Heidrun og Joruu 1973 tvilingar.

Myra

Gnr 68, bnr 75.

Eigar: ingeniør Roar Johansen f 1947, g m Marit Teppan f 1950. Dei kom til Hemsedal frå Gjøvik 1972. Born: Stig Teppan 1971, Lars Teppan 1975. Ingeniør Johansen er tilsett i Hemsedal kommune.

Skogvegen 9

Gnr 68, bnr 78.

Kommunal bustad, ferdigbygd 1972. Her bur dyrlækjar Carl Oscar Halvas-Svensen frå Danmark f 1938, g 1966 m Ingrid Christensen, også frå Danmark f 1945, utdana barnepleiar. Born: Merethe 1967, Tine 1970, Lars 1973. Han kom til Hemsedal hausten 1972 som fyrste tilsette kommunale veterinær. Hadde før vore i Rennebu, Sør-Trøndelag, og i Persia.

Skogvegen 11

Gnr 68, bnr 79.

Kommunal bustad, ferdigbygd 1972. Her bur lærar Kristofer Eitrheim frå Odda f 1941, g m Gerd Elisabeth Opsahl f 1943 frå Fredrikstad. Dei kom til Hemsedal 1972. Born: Tormod Kristoferson 1967, Ellen 1969, Jo Kristoferson 1975. I hybelbustaden bur Erik Skogli f 1946 frå Årdal. Han er tilsett som jordstyre tekniskar i Hemsedal kommune.

Seljevegen 1

Gnr 68, bnr 80.

Eigar: Helge Helland frå Lærdal f 1937, kom til Hemsedal som kontorsjef 1970, g 1965 m Sigrunn Dale frå Aurland f 1942. Born: Arnt Ove 1967, Stein Helge 1971.

I hybelhusværet hans bur Kjell Reidar Kristiansen frå Sortland f 1953. Kom til Hemsedal 1972 som landbruksvikar.

Solli

Gnr 68, bnr 81.

Eigar: John Halvorsen frå Oslo f 1915, g 1941 m Margit Sofie Jørve, f 1912 i Norderhov. Arbeider ved Horten Konserv.

Seljevegen 7

Gnr 68, bnr 82.

Eigar: Magne Haugo f 1943, g 1969 m Signe Granli frå Gol, f 1949. Born: Wenche 1969, Ingunn 1971. Han er maskinkøyrar hjå Hemsedal Maskinlag.

Skogly

Gnr 68, bnr 84.

Ansatt ved Hemsedal Kjøttf. Ernst Tore Eggen. Sjå Hemsedal Kjøttforretning. Huset er innflytningsklart 1976.

Haugotun

Gnr 68, bnr 85.

Eigar: Gunnar Haugo maskinkøyrar ved Hemsedal Maskinlag f 1946, g 1965 m Unni Sommerstad frå Oslo f 1946. Born: Leif 1966, Bente 1967, Reidar 1969.

Skogvegen 17

Gnr 68, bnr 86.

Eigar: Norsk Skinnindustri A/S. Firmaet driv sying av skinnjakker m.m. Verksemda tok til i nybygget ved årsskiftet 1973/74, og har fleire tilsette syersker frå bygda.

Skogvegen 15

Gnr 68, bnr 87.

Eigar: Stein Egil Pettersen frå Nittedal f 1943, g m Eldbjørg Ellingsen frå Aurland f 1948. Dei kom til Hemsedal 1973. Han arbeider ved Hemsedal Meieri. Born: Anita 1968, Kristin 1969, Margaret 1971, Morten 1974. I hybelhusværet hans bur: Arne Henry Sandum frå Ål f 1947, g 1974 m Jorunn Midthaug frå Bolsøy, f 1955. Born: Unni 1974, Maj 1975.

Skogvegen 13

Gnr 68, bnr 88.

Eigar: Hemsedal kommune, ferdigbygd 1974. Her bur Ernø Nemeth frå Ungarn f 1936, g 1956 m Eva Maria Hanekam ogso frå Ungarn, f 1940. Kom til Hemsedal 1974. Han arbeider ved Horten Konserv. Born: Eva Maria 1957, Veronika 1959, Vibeke Terese 1968, Stein Vidar Ernø 1970. I hybelhusværet bur: Arne-Terje Roe frå Gol f 1944.

Seljevegen 8

Gnr 68, bnr 89.

Eigar: Hemsedal kommune, ferdigbygd 1974. Her bur distriktslæge Harald Lystad frå Oslo f 1944, g 1971 m Tove Lærum Fralier f 1946. Kom til Hemsedal 1975. Born: Marius 1971, Morten 1974.

Seljevegen 12

Gnr 68, bnr 90.

Eigar: Olav Eggestøl. Arbeider ved Hemsedal nye Meieri (67-30,63). Sjå der.

Seljevegen 14

Gnr 68, bnr 91.

Eigar: Bygningssnikker Rolf Helge Solbakken frå N. Aurdal f 1947, g 1970 m Inger Dihle frå Norderhov f 1947. Born: Ann-Cathrin 1972.

Seljevegen 10

Gnr 68, bnr 92.

Eigar: Hemsedal kommune, ferdigbygd 1974. Her bur distriktstannlækjar Hans Kristian Sørensen frå Ramnes f 1947.

Seljevegen 18

Gnr 68, bnr 94.

Eigar: Øystein Thorset f 1948, g 1973 m Vigdis Bråten frå Ål f 1952. Sjøfør ved Hemsedal Maskinlag. Born: Marianne 1973, Inger Solveig 1975.

Skogvegen 22

Gnr 68, bnr 95.

Eigar: Hemsedal kommune, ferdigbygd 1975. Her bur Jan Helmer von Gyllensten frå Onsøy f 1942, g 1967 m Ersebet (Elisabeth) Poosz frå Jugoslavia f 1947. Han arbeider ved Horten Konserv. Born: Jan Roger 1968, Renathe 1969.

I hybelhusværet bur: Lise Nordby frå Nannestad f 1955.

Furutoppen

Gnr 68, bnr 98.

Eigar: Arne Hopland frå Gloppen f 1936, g 1963 m Kari-Ann Reppen frå Narvik f 1941. Kom til Hemsedal 1974 fra lyngen som styrar ved Hemsedal barne og ungdomsskule. Born: Kathrine Siv Hai Sook frå Sør-Korea f 1970, Annichen 1972.

Utsikten

Gnr 68, bnr 99.

Eigar: Arne Møllerplass f 1950, g 1970 m Randi Børtnes frå Nes f 1950, tilsett ved Hemsedal Andelssag. Born: Knut 1970, Stine 1972.

I hybelhusværet bur Per Otto Møllerplass f 1944.

Lillebo

Gnr 68, bnr 70.

Eigar: maskinsnikker Kjell Erik Eggen f 1948 g 1966 m Birgit Steinmoen f 1947. Dei kjøpte tomt av Ola K. Kirkebøen og fløtte inn i eige hus 1970. Han har arbeidet sitt hjå Steinmoen og Kirkebøen.

Born: Camilla Benedicte 1965, Anita Cecilie 1967.

Bekkelund

Gnr 69, bnr 15.

Eigar: Olav Kirkebøen. Han kjøpte tomt av Sigurd, bror sin, på foreldregarden 69-5, bygde seg hus og fløtte inn på Bekkelund i 1960. Olav S. Kirkebøen f 1927 vart g 1959 m Klara Solveig S.

Halbjørhus f 1937. Born: Anne Kari 1960, Sigbjørn 1965. Olav er pelsdyreigar og driv med det som yrke.

Frå Haug til Hølle

Reppen frå Haug til Hølle utgjer nördre luten av Trøym's skulekrins. På nordsida står Høllekølten og stengjer midt i dalen. Den gamle bygdavegen gikk over reset til høgre og var tung og bratt både på sørsida upp Finnsethagjin og på nordsida ned Hustadhagjin. Den nye «Lina» vart lagt attmed elva med ein ganske tverr sving når ein kom forbi Hølle.

I denne reppen låg gardane *Haug, Hølto*, dei två *Finnsetgardane, Døkk*, dei två *Fekjo* og *Hølle*, som og vart delt i två i nyare tid. Vidare dei mindre bruka: *Haugsslette, Sprikji* og *Syngerberg* på sama sida av Heimsil, og burta åne *Mølnarslette* (eller -plassen), *Høllemoen, Høllebakkjin, Pytten, Skrukka* og *Krikken* - dei tre sistnemnde nordover frå der vegen åt Hølleskaret tek upp over, høyrer nærmast til Øndredal. Desse mindre bruka er alle nedlagde so nær som Sprikji (med nytt namn: Løvstad) og Mølnarplassen. Men so er det kome til eit nytt Syngerberg og dei nyreiste bustadene Fredheim, Hallvin, Fagerlund og Bekkelund.

Haug

Gnr 70, bnr 1, Inr 629 a. På Haug.

I eldre tid er namnet skrivi både Hoff og Houg. Skattematrikkelen av 1647 fører upp *Anfind Houg* som brukar av denne halvgarden, som er skattlagd for 3 pund smør til Nes prestebol. I mantalet 1664-66 er *Tolleff Vilhjelmson Hoff* oppført som brukar av «prestebolts gods med endel kongstiende».

Det kjem ein bekk ned ved Haug, som kan vera nokso strid i vårflaumen. Like ved denne bekken låg det før ein liten rund haug av aur og grus, som seinare vart køyrt burt. Hans Flaten gissar på at garden har fått namnet sitt etter denne haugen. Men den gamle skrivemåten Hoff (Hov) kunne tyde på at det her har stade eit hedensk hov som garden har fått namn etter. I so fall må det eldre Hov (Håv) ha vorte samenblanda med Haug ved at det låg ein haug like ved. At eigedomane Skadvin (Skadengård) - Haug - Finnset vart lagt under kyrkja og prestebolte kunne og tyde på samenheng med ein gamal heilagstad. Men noko visst om dette kan ein ikkje veta. Fyrstundes på 1700-talet vart det førd ei sak mellom Helge Olson Skølt og Eirik Eirikson Haug. Eirik blir kalla Eirik Hølle irettsdokumenta, so han må vera komen derifrå. Ein Håkon Jakobson Hølle hadde før bygsla Haug, men overdrog bygselretten til Eirik i 1699, men dokumentet vart ikkje utfërda før den 2-5-1711, og den 30-6-1699 fekk Eirik bygselbrev av presten Christian Bloeh. Før hadde ein Anfin Torleivson Haug hatt garden i bygsel so lenge han levde, og etter han fekk Endre, son hans, den eine halvparten og Torleiv Haug den andre. Han var gift med dotter til Anfin Haug. Denne ætta hadde so garden til Håkon Hølle fekk den eine halvparten under bygsel og Eirik Haug den andre, som Endre før brukte. So fekk Eirik Håkons del med, og hadde då heile garden. Etter Endre hadde Eivind, son hans, hatt denne halvparten av Haug. Eivind var gift med Guri, dotter til Anfin, og han fekk fritt hus på Haug hjå Eirik for si levetid. Torleiv Haug budde på Viljugrein seinare og døydde kring 1737. Helge Skølt

kravde bygselretten til Haug med den grunngeving at han hadde vore soldat i 14 år og at bestemor til kona hans var dotter til Anfin Haug. Kona til Helge Skølt var ei yngre syster til Anne Knutsdtr, fyrste kona til Eirik Haug. Helge førde två vitne under tinget på Grimsgard 2-3-1720: Tore Mekkelson Tuv 69 år og Knut Tomasson 46 år, og Peder Gautesen, lensmannen på Nes, møtte for Eirik Haug. Den 13-9-1720 fall domen: Etter som Eirik Haug hadde brukt garden i 21 år «kan han ikke fra sin Gaards Bøxel forkastes, men kjendes for Ret: at som Helge Olsen saa ubeføyet har anlagt dette Søgemaal, falder samme kraftesløs af sig selv». Kyrkjeboka nemner fyrst ein Eirik Haug med dotter: Torgunn 1696 (kan hende det el ho som døydde 1747 som Torgunn Viljugrein). I folketeljinga 1664-66 blir det nemnt ei enkje Torgunn Grøto. Det sjeldsynte Torgunn-namnet på Haug kan vera kome frå Grøto. Den før nemnde Anfin Torleivson Haug hadde etter kyrkjeboka desse borna: Barbo 1699, Torleiv 1700-ca 1737-37 g 1735. So er det den Eirik Eirikson Hø Ile som i 1699 fekk bygselrett til Haug. Han var g 1) 1703 m Anne Knutsdtr d 1717. Barn: Halvor 1703. På skiftet etter Anne 1717 betalar Eirik sonen Halvor 30 rdl. Dermed var skiftet fråseggjort. I Boyesen-tida vart Eirik g 2) m Sigrid Henriksdtr d 1751 (kvar ho var ifrå, er ukjent). Dei hadde: Eirik 1718-73-55 bonde på Haug, Anne 1720-50-30 g 1744 m Steingrim Finnset, Henrik 1722-73-51 g 1766 m Birgit Torsteinsdtr Bakke (besteforeldre til Kari og Birgit Krikkji), Guri 1724-88-64 g 1747 m Ola I. Grøndale, Svein 1726-60-34 ugift. Eirik fekk garden g 1747 m Guro Persdtr Trøym 1725-90-65: Eirik 1748 bonde på Haug, Per 1752-1830-78 bonde på Finnset og Vøllø, Sigrid 1754-77-23 g ca 1774 m Vilhjelm Grøndale, Ola 1757-1820-63 bonde i Lien og på Hulbak, Knut 1759-1840-81 bonde i søre Lien, Kari 1762-65-3, Svein 1768-1826-58 bonde på Kyrkjebøn og Hulbak. - Av denne huslyden ættar mange i Hemsedal, og Guro Persdtr er ofte oppattkalla. Eirik fekk garden g 1775 m Liv Trondsdr Grøndale 1754-81-27. Ho døydde i barnseng, og dottera Liv vart oppattkalla etter henne: Eirik 1776-1852-76 bonde på Haug, Trond 1778-1844-66 bonde i Eikro og Pytte, Liv 1781-1836-55 g 1820 m Torstein Lykkjehaga. Sonen Eirik fekk garden g 1800 m Sigrid Andresdtr Trøym 1778-1839-61: Liv 1801-84-83 g 1835 og 1846 (sjå 60-2), Eirik 1808-85-77 bonde på Haug og på søre Fekjo, Ragnhild 1811-13-2, Andres 1814-88-74 bonde i Hølto, Ragnhild 1824-55-31- g 1847 m Tore Ålrust. - Sigrid Haug var alltid ved godt mot. «Ein ska kji vera mistrøstig,» hermed Gamle-Eivind etter henne «Det er interessant, om man bare har et ord gjemt efter et menneske. Man har da et minne om det» (HF). Sonen Eirik fekk garden g 1) 1838 m Ragnhild Olsdtr Grøto 1814-58-44. Dei var barnlause. Eirik vart g 2) 1859 m Agot Trondsdr Snerte 1837-1919-82. Ogso dette ekteskapet vart barnlaust. Eirik vart nok mistrøstig over det. Då han reiste åt Bulien eingong, kom han forbi Stunde. Der sprang ungane berrfotte ute og leika seg. Då sa Eirik: «Nei ko fine dei æra dei ongatn!» Den dagen han vart oppattgift, vart han visst ør i hovudet utpå kvelden, og då sa han til ein av gjestene: «No ska're bli Eirik Eiriksen Haug atte.» Men det kom ingen Eirik. So selde han garden kring 1870 til Trond Eirikson Vøllø. Dermed kom garden ut or rett nedstigande line, men ikkje ut or ætten. Trond var soneson til den førnemnde Per Haug f 1752. Og Trond Vøllø og Eirik Haug var tremenningar. Trond 1836-1901-65 g 1871 m Kristi Knutsdtr Bjøbergo 1853-1918-65 hadde no garden. Trond dreiv fehandel og annan handel. I 1864 kjøpte han ein del korn i Bergen og leigde ei jakt for å frakte det til Lærdal. Men jakta fekk sjøskade og sokk til botnar på Sognefjorden. Trond var ein drivande jordbrukar, arbeidde upp mykje jord og bygde nye hus. Han hadde ogso kommunale tillitsombod. Born: Ingebjørg 1872 d, Eirik 1873-1916-43 bonde på Haug, Knut 1876-98-22 seminarist, Ingebjørg 1879-82-3, Ola 1881-1972 bonde og fruktdyrkar på Berg i sande, var mykje med i det kommunale livet (var två gonger gift og hadde 6 born i fyrste ekteskapet - med Gunhild Moen frå Hol - fire av dei lever), Ingebjørg 1879-1906-22, Per 1886 bonde i sandsvær g 1913 m Asta Mørk (born: två gutar og ei gjente), Ragnhild 1889-1963 sjukesyster og sanitetssyster, budde i Oslo den siste tida, Knut 1892-98-6. Eirik fekk garden g 1895 m Kari Olsdtr Grøndale 1872-1964. han var medlem av heradsstyret, formann I fattigstyret, sparebankkasserar, kommisjonær for Felles-Slakteriet (som kom i stand 1923) m.m., ein mann med «moderat og fin tenkemåte. Et begavet søskenlag. Ola gikk agronomskole. Reiste omkring i Hemsedal på fjøsskue og holdt foredrag om fjøstell. Per har vært meget brukt som reisende avholdstaler» (HF). - Borna til Eirik og Kari: Kristi 1896-1931 sjukesyster, Ingebjørg 1898-1974 g m O. H. Løken, Trond 1901 bonde på Haug, Ingerid 1904-15, Ragnhild 1907 g 1932 m tolluppsynsmann Olav Bjerke i Oslo (dei har två gutar), Ola 1910 g m Mari K. Trøym, bonde i Rudningji 68-3, Kari 1913 arbeider på Bygdaheimen. Trond overtok garden 1927 og vart sama året g m Ingerid K. Trøym f 1903. Trond var kommunemann, jordskifte-, skjøns- og domsmann og medlem av mange råd og utval. Han nydyrka jord, bygde både bustadhus og uthus på garden, vølte om stølsbua og tok til med hyttebygging beime. Born: Kari 1928 handarbeidslærlarinne, no styrar ved Husflidsskolen, Mysen, Eirik 1930 har garden, Knut 1930 tviling bar bygt seg hus på Seljetun 68-47 (sjå der), Gunnar 1933 g m Anne Marie i. Markegård, dei bur på Hovvin 68-61 (sjå der). Eirik overtok garden 1952 g 1960 m sjukesyster Eline Margrethe Solvang frå Romedal f 1936. Eirik har bygt eit bustadbus heime på garden og fleire hytter til utleige i utmarka, m.a. har Kari fått ei gamal hallingstugu med tomt. Knut og Gunnar har fått noko eigedom på stølen i Bulidale. Garden har

langstøl på Krøssleino og Preinsrud i Bulidale, men Preinsrud er nedlagd som støl, og det er ogso heimstølen upp i Haugsbøtte, som ligg på bergo rett ovafor. Borna til Eirik og Eline: Trond 1961, Anbjørg 1963, Inger Kristi 1971, Elisabeth 1973, Ragnhild 1974, Even 1975. Det var gamal folketru at om ein slepte noko or hendene juleeftan, måtte ein ikkje ta det uppatt før fjordedag jul. Det var ei kjering på Haug som var nede i kjellaren juleeftan for å hente upp ein surost, som låg på eit ostefat med stett under. Uppattkomen miste ho osten ned på golvet, og der laut han liggje helga over. «Jeg synes bare se de Haugsfolkene gå og skøtre på osten med tantalus kvaler alle juledagene til ende!» (HF).

Haugsslette Nedlagt bruk.

Bygselbruk under Haug, seinare heimstøl. Vart ogso kalla Luserudslette. Her budde Andres Embrikson d 1856, 74 år gamal. Han var g m Barbo Olsdr d 1855, 76 år gamal. Då dei vart gifte, vart dei skrivne Kyrkjebøn og Trøym. GamleEivind hadde høyrte at Andres var frå Valdres, men kom som smågut til Haug for å gjæte. Som vaksen fekk han byggje burte på Sletten, dei kalla. Born: Ola 1814-1901-87 bonde på Mølnarsletten (72-3), Embrik 1817 bonde på Haugssletten rtA, Per 1821-74-53 bonde på Sande, Trond 1826-82-56 bonde på Kven, Ingebjørg 1830 g 1862 m Ola Knutson Hjelme i Grøndale, dei reiste visstnok til Amerika. Embrik vart buande på Haugssletten ei tid. Han vart g 1848 m Gunhild Grønskogji og budde visst der og ei stund. Ein vinter kom han dragande med ein potetsekk frå Haugssletten, langs Heimsil på isen. Men på Bekkjidalshøle var isen veik, og både han og lasset datt igjennom. Embrik Bekkjidale sto og sag på dette og kom springande og skulde hjelpe. «Men ha du dømte ni åne då, gut,» sa han Embrik. «Ha, ha, ha!» skratta namnebror hans. Embrik og Gunhild hadde: Kari 1848, Andres 1849, Kari og Barbo 1850 tvilingar, Andres 1853, Trond 1854, Ola 1857, Anne 1859. I 1861 reiste huslyden til Amerika.

Hølto

Gnr 70, bnr 2, lnr 629 b. i Hølto.

Her er nemnd som buande i Hølto Torstein Jakobson frå Viljugrein f 1750 g 1780 m Birgit Gudtormsdr Eikrehaga (ho vart som enkje g åt Høgehaugji, sjå 52-4): Kari 1781-1871-90 g 1807 m Ivar Ellingson Myte, Gudtorm 1785-1872-87 bonde i Furuhaugo, Sissel 1787. Seinare bur Nils Ivarson (Snuserud f 1750) i Hølto. Han vart g m Jørønd Gudtormsdr Eikre 1752-1836-84: Ivar 1791, Gudtorm 1794, Hallstein 1797 bonde i Hølto. Sonen Ivar g 1821 m Margit Olsdr Løkji (eller Resabakko) f 1796 budde ei tid i Hølto, sea i Venåse og på Høllebakka og reiste so til Amerika i 1846. Han var ein modig mann. Han gikk til kyrkja om natta og henta prestekleda og bar dei til sjuke folk. Dei trudde slikt skulde lækje sjukdomen. Eingong henta han kleda til ein gut på Hølle som låg sjuk burtpå heimstølen. Guten hadde prestekleda på seg, og Ivar bar dei tilbakers før sola spratt. Men guten døydde. Ivar og Margit hadde ein son: Nils 1822 g 1844 m Birgit Olsdr Venåsbakko. Dei og rtA. Etter Ivar tok Hallstein, farbror hans, styret i Hølto. Han vart g 1826 m Ingerid Torleivsdr Imre f 1796: Jørgen 1826 d, Gudtorm 1829, Nils 1831, Jørønd 1833 d, Jørønd 1834, Kari 1836, Kari 1838, Ingerid 1842 d. Huslyden rtA 1860. Hølto vart då kjøpt av Andres Eirikson Haug 1814-88-74 g 1845 m Olaug Knutsdr Torset 1822-94-72: Eirik 1846-1938 bonde i Hølto, Sigrid 1848 g m Torleiv Støyte, Knut 1851-1919-68 bonde i Skarshaugo, Embrik 1853-1934 ugift, Barbo 1855 g m Jakob Skarsdøkken, Ragnhild 1858-1921-63 vart gift uttafør og budde ved Hønefoss, Liv 1860-1944 g 1894 m Ola Knutson Bø i Aurdal (dei hadde ingen born, Liv døydde i Hemsedal), Margit 1864 vart gift uttafør og budde ved Hønefoss. Eirik fekk garden g 1876 m Jørønd Haugo 1849-1938: Andres 1877-1951 bonde i Hølto, Tore 1880-1928 ugift, Eirik 1882 fekk seg hus ved Skogstad (sjå Granly 68-8), Olaug 1890-1963 g m Jørgen Hansen frå Eiker (ingen born). Andres fekk garden g 1909 m Margit N. Engene f 1881: Eirik 1910 bonde i Hølto. Andres bygde uthus heime og stølshus. I yngre år dreiv han som skomakar. Eirik overtok garden 1946 og vart sama året g m Kari N. Finset f 1920: Andres 1948 elektriskar hjå Hemsedals Elektrisitetsforsyning, Nils Magne 1951 kontormann på meieriet. Eirik var med i heimestyrikanen. Skjønsmann. Har nydyrka jord og bygt nye bustadhus. Kjøpte ei hytte etter Liv Bø, oppførd på garden. Hølto har langstøl på Fete, norda Grøndalen. I eldre tid heimstøl i Haugsbøtte, han er no nedlagd.

Nørdre Finnset

Gnr 71, bnr 1, lnr 630.

På nørdre Finnset. Skriv seg Finset.

I skattematrikkelen for 1647 er *Wegger Findset* oppførd som eigar. «Bundenn eiger selff med bøxel 10 løbol, Nes prestebøel 2 løbol.» I manntalet for 1664-66 er Vegar (her skrivi Veger) 72 år og eig

halvparten av Findeset, som det her blir skrivi. Eigar av den andre halvparten er *Andres Nielson*, som er 40 år. Dessutan er det ein husmann *Niels* på 60 år. Det ser ut til at garden enno blir rekna som *ein* gard (skattlagd *sam* halvgard), men kor lenge dette heldt ved, veit ein ikkje. I 1703 selde Hermund Høvtuno m.fl. i Gol 3 Iøbel av Finnset til ein Nils Arneson (sjå pantebok for Ringerike og Hallingdal nr. 2 fol 99). Det var kan hende det som prestebolet hadde ått. Denne Nils er den fyrste kyrkjeboka nemner frå Finnset. Han var gift med ei Sygni og døydd i 1760. Dei hadde: Arne 1700-75-75 bonde på søre Finnset, Margit 1702 g m Rasmus Imre, Gunhild 1705 d, Ola 1706 d ung, Steingrim 1708-84-76 bonde på nordre Finnset, Ola 1711 d ung, Kari g m Nils Helgeson Hustad, Bjørn 1712, Barbo g m Ola Henrikson Høgvind (utabygds mann), Kari 1718. Steingrim vart g 1) 1744 m Anne Eiriksdtr Haug, som fall burt straks. Dei hadde: Barbo 1744 g m ein Paul Klementsens frå Eiker (dei hadde: *Anne* 1785 d, *Steingrim* og *Anne* 1786 tvilingar). Steingrim vart g 2) m Kari Torleivsdtr (uvisst kvar ho var ifrå) d 1784, 60 år gamal. Dei hadde: Anne 1750-84-34 g 1782 m skulehaldar Ola O. Finnset, Nils og Liv 1759 tvilingar, båe døydde i ung alder, Sygni 1761-1832-71 g m Mons Stølen i Lier, Nils 1766-1849-83 bonde i Grøndalshaugji. - I kyrkjeboka el det oppført ein Steingrim Mekkelson Finnset d 1784, 78 år gamal. Han hadde YO re sengeliggjande i 20 år. Om dette er den sama som ovannemnde, må farsnamnet vera feilskrivi. - Anne og Ola Olson budde på Finnset. Dei hadde borna: Aune 1782 og Ola 1784. Etter Steingrim kom Per Eirikson Haug 1752-1830-78 til Finnset g 1787 m Kari Knutsdtr Tuv: Eirik 1791-1888-97 bonde på V øllo, Knut 1794-1883-89 bonde på Sletten, Guro 1796, Andres 1799 d, Lars 1799 tviling, bonde i Venåse og på Markegølo, Gunvor 1801-26-25 g m Torkjell Olson Brandvøl, Andres 1803-44-41 bonde i Langehaug, Kari 1805-80-75 sinnssjuk, budde på Vøllø. - Per bytte gard med Svein Vøllø, som kom til Finnset og var der ei tid (sjå Vøllø). So kom Knut Knutson Skar 1771-1825-54 til Finnset g 1802 m Margit Andresdtr Torset 1781-1869-88 (ho døydde hjå dotter, i på Ullsåk): Birgit 1803-65-62 g m Arne søre Finnset, Knut 1804 bonde på nordre Finnset, Gunvor 1806-95-89 g m Torkjell Brandvøl, Andres 1808-10-2, Margit 1809, Margit 1811-1900-89 g m Knut I. Grøndale, budde på Tuv og sea på Ullsåk, Andres 1814 bonde i Tryhus i Gol g 1843 m Sigrid Jiggjersdtr Kyrkjebøn f 1821 (i Hemsedal hadde dei dottera: *Margit* 1843-1923-80 g m skulelærar Per Andresson Langehaug på Øygardo i Gol). Knut fekk garden g 1825 m Margit Olsdtr søre Finnset f 1800. Huslyden rTA i 1853: Knut 1826 medlem av Minnesota kgislatur (lovgjevande forsamling), Margit 1828 (i kyrkjeboka er det notert at ho rTA, men Flaten er i tvil om det ikkje var Valdres), Herbrand 1830 rTA 1852, Ola 1832 d, Ola 1833, Andres 1836, Anne 1841-1918-77 g i Amerika m Halvor H. Kvie frå Flå 1834-1919, dei budde i Dineson, Minnesota. Då denne huslyden drog til Amerika, vart eigedomen kjøpt av Knut Arneson på søre Finnset g 1861 m Barbo Olsdtr søre Grøndale f 1834. Knut var hjulmakar som Kristen, farbror sin. Knut og Barbo selde att seinare nordre Finnset til Eirik Nilsson Brandvøl og kjøpte garden Myre i Valdres. I Hemsedal hadde dei: Arne 1862-ca 1915 hadde Myre ei tid, budde sea i Drøbak, p. m Anne Larsdtr Vente f 1857, Ola 1863, Ola 1865-72-9, Knut 1867 bonde på Hadeland, Eivind 1870 bonde og handels kar i Vestre Slidre, Birgit 1872 g m ein bonde i Bærum, Ola 1874 kjøpmann i Bærum. Eirik Nilsson 1852-1938 vart g 1882 m Kari Olsdtr Hulbak d.e. 1854-1954 (100 år gamal): Nils 1882-1970 bonde på Finnset, Ola 1884 har drivt med gardsarbeid i Rusto og på Finnset, Trond 1886-1971 fehandlar i mange år, kjøpte fe i Vang i Valdres om vinteren, drog utover med drefit om hausten og selde att i bygdene nedover mot Drammen, Eirik 1890 heradskasserar i Hemsedal i mange år, Margit 1895-1970. - Eirik Nilsson var blind i mange år sistpå han levde. Nils overtok garden 1919 og vart sama året g m Margit E. Lien 1893-1970. Nils bygde fyrst trev og seinare nye uthus heime, og i Hyddale fløtte han stølsbusa frå søre stølen til den nordre, bygde om båe stølsbuene og bygde ogso attåt eit par rom. Noko av dette vart nytta av Den norske Turistforening som hytte for fjellvandrarar. Han bygde ogso nytt fjøs på stølen, fløtte og vølte om forluu og hestestall. Heime nydyrka han den jorda som gikk an å dyrke manuelt den tid. Minnet om slitet og strevet og truskapen i liv og arbeid hjå fedrane lever vidare. Borna til Nils og Margit: Kari 1920 g m Eirik A. Hølto, Barbro 1922 g m Per L. Eikre, Erik 1923 bonde på Finnset (skriv seg Finset), Maria 1925 g m Einar A. Intelhus, Emma 1930 g m Svein A. T. Viljugrein. - Systrane Barbro og Maria vart gift sama dagen. Erik overtok garden etter far sin i 1953. Skjønsmann. Bygde nye bustadhus i 1959 og har grøfta og planert ein del jord. I 1964 søkte han om å få kjøpt gardsbruket Stunde 86-24 m.fl. i Grøndale som tilleggsjord, etter at han hadde spurt ervingane om dei hadde nokon interesse av å halde på eigedomen og odelsretten. Han fekk til svar at det hadde dei ikkje. Han fekk so skøyte på denne eigedomen av Buskerud landbruksstyre. Deretter kultiverte han eit større stykke vass-sjuk og forfallen mark med grøfting, attlegging av bekk m.v. Men då dette arbeidet godt og vel vart utført, kom ervingane på andre tankar og fremja odelskrav. Ved overtaksten fekk dei medhald, og saka vende seg til tap for Finnset, som her hadde gjort eit kostbart dyrkingsarbeid i god tru. Garden har frå gamalt langstøl i søre Hyddale. Her har noverande eigar selt ei tomt og bygsla burt ei annan. Frå gamalt har garden hatt heimstøl i Finnsetbøtte, men han er ikkje lenger i bruk (Finnsetbøtten ligg rett upp for Finnsetgardane). Ein Levor Eirikson Bjøbergo g 1853 m Ragnhild Nilsdtr Heggjstad budde på ein Finnsetgard ei tid, men ein veit ikkje kven. Dei reiste så til Gol og fekk Klanten til bustad. I Hemsedal

hadde dei: Kari 1854, Margit 1858. Det skal i gamal tid ha vore eit bruk under Finnset som heitte *Hagjin*. Her i Haga budde *Laka-Anfin*. Han var son til ei slåstkjempe dei kalla Laka-vergen (KOG). Hørde namnet nemnt i min barndom. Ei kyr som var lei til å tyggje filler, kalla dei for spøk Laka-Anfin i grenda vår (OR).

Søre Finnset

Gnr 71, bnr 2, lnr 631.

På søre Finnset. Skriv seg Finset.

Som nemnt under 71-1 må Finnset frå gammalt av ha vore *ein* gard. Men det gikk her som andre stader at eigeodomen vart delt i två - eller fleire - gardpartar, som sea vart skyldsette kvar for seg som sjølvstendige bruk. Den Nils Arneson som fyrst er nemnd i kyrkjeboka og som var gift med ei Sygni, døydde i 1760. Dei två eldste sønene hans, Arne og Steingrim, fekk kvar sin part av Finnset, Arne det som seinare vart kalla søre Finnset, og Steingrim nørde Finnset. Arne Nilsson 1700-75-75 vart g 1746 m Anne Torsteinsdtr. Dei hadde: Jon 1749, Ola 1752. Arne vart blind på sine gamle dagar. Ola vart bonde på Finnset, men budde fyrst ei tid i Døkk. Han vart g 1) m Margit Andresdtr (det er ikkje nemnt kvar ho var ifrå) d 1792, 36 år gamal. Dei hadde ei dotter: Anne 1782-1840-58 g m Arne Knutson Viljugrein. Så vart Ola g 2) 1796 m Anne Knutsdtr Tuv f 1755. Folketeljinga frå 1801 seier at han var gift for tredje gong, men i kyrkjeboka finst det ikkje noko om det. I så fall må andre ekteskapet ha vore barnlaust. Ola og Anne hadde: Arne 1797-1884-87 bonde på Finnset, Margit 1800 g 1825 m Knut på nørde Finnset, Harbo 1803, Knut 1806, Ambjørg 1809 g 1838 m Andres Vøllø i Langehaug, Ola 1813, Nils 1816-91-75 bonde i Ulshaga i Ål, g m ei Gunhild Stenersdtr d 1907, 38 år gamal, han var ei tid skulelærer, Kristen 1820-1909 bonde i Langehaug. Arne overtok garden, var ogso ei tid skulelærer og medhjelpar for presten. Vart g 29-5-1825 m Birgit Knutsdtr frå nørde Finnset 1803-65-62. Og sama dagen vart Knut Knutson på nørde Finnset g m Margit, syster til Arne. Dei gjorde systerbyte og heldt dubbelbryllup. Men ikkje nok med det, sama dagen var det eit dubbelbryllup til på Brandvøl: Torkjell Brandvøl vart g m Gunvor Vøllø, og Eirik Vøllø vart g m Ingebjørg Brandvøl. Der med var det systerbyte. Borna til Arne og Birgit: Ola 1826-91-65 bonde på søre Finnset, Knut 1829 bonde på nørde Finnset, Anne 1831-33-2, Anne 1834, Knut 1837 g 1865 m Guro Pytte rtA 1866, Margit (fødselsar vantar) rtA 1866, Anne 1843 (med son: *Per* Olson 1871-73-2) rtA 1873 og vart der g m Torleiv T. Huse (ved Sletthaug). Ola overtok garden g 1) 1854 m Margit Olsdtr nørde Grøndale 1824-55-31. Ho døydde 8 timar etter at ho hadde fått eit dødfødt barn. Ola vart g 2) 1856 m Sigrd Olsdtr søre Grøndale 1829-1921-92. Dei hadde: Margit 1857-58-1, Birgit 1858 g m Ola Bjørnson Hustad, Margit 1861-64-3, Arne 1864-1936 bonde på Finnset, Margit 1866 g m Asle Ingvarson Hustad, Ola 1868-1956 dreiv mest med gardsarbeid, Sunnev 1871-1950 tente lenge uttafør, men sistpå ho levde, budde ho hjå syster si på søre Hustad. Arne fekk garden g 1891 m Oline Knutsdtr Bjøbergo 1867-1931. Han hadde mange kommunale tillitsyrke, var m.a. formann i fattigstyret. Born: Ola 1891-1960 bonde på Finnset, Knut 1893 inspektør i livstrygdelaget Brage, g m Sunneva Husum frå Lærdal, dei er busette i Egersund (har tre gutar), Eirik 1895-1961 var skulelærer på ymse stader, sist i Krøssherad (etterlet seg kone og två born, ein gut og ei jente), Arne 1898 dreiv og som lærar, mest i Hokksund der han no er busett, var gift två gonger, men bae konene er no døde (två born, eit frå kvart ekteskap). Arne prøvde seg og som lyrikar. I diktet «Stortinget kjem saman» 1922 heiter det: Eit samla folk som ligg i strid, mot dykk seg vonfullt vender. Og mange har så tung ei tid og vonlaust allting kjenner. Ja, bøner når deg, stortingsmann: Ver vaken no og kjenn ditt land! Lat Sverre-ånd og høvdingord i Salen rå og klinge. Og Noregs vel er løysingsord og samlings flagg i tinget. Med vilje sterk og von de går til nye arbeidsar. Ola overtok garden g 1918 m Margit Endresdtr Ålrust d.e. 1889-1965. Kommunemann, skjønsmann, ei tid skulestyreformann, heradskasserar, sekretær i likningsnemnda. Under fyrste verdskrigen var han formann i provianteringsrådet og fekk ein velfortent takk då han slutta der og rådet hadde fullført oppgåva si (1924). Ola fekk ogso Norges Vels diplom for jord bruk. Han hadde garden til 1959. Bygde nytt stabbur (løft) heime og vølte om stølsbua i Hyddale. Borna til Ola og Margit: Arne 1919 likningssjef i Hemsedal g m Anna Markegård (sjå Finstad 68-14), Olga 1920-48 g m Engebret L. Markegård, Endre 1922 bonde på Finnset, Olav 1925 g m Bergljot Kristine Sivertsen frå Bergenskanten, dei bur i Asker der Olav er tilsett i eit livstrygdelaag (dei har två gutar), Margit 1928 g 1958 m lærar Olav Bjærum frå Tingvatn, Hægebostad (dei har två gutar og ei jente). Endre overtok garden g 1953 m Kari P. Brandvoll f 1925. Han har bygt nye uthus og vølt om bustadhusa. Skjønsmann. Frå garden er selt två tomter heime, ei ved Vavatn og ei i HyddaJe. Dessutan er husa i Holstein selt til Arne Finset. Endre var med i heimestyrkane. Borna til Endre og Kari: Magnhild 1954, Bjørg 1956, Oddlaug 1959. - Garden har langstøl i Hyddale og Hølstein, men desse er ikkje i bruk lenger, heller ikkje heimstølen uppe i Finnsetbøtte. Hølstein ligg mellom Hølsteintind og Fjellstølo. Vart nytta som ettersommerstøl (frå fyrst i august til fyrst i september).

Døkk

Gnr 71, bnr 3, lnr 632.

I Døkk. Vanleg skriveform: Dokk.

Døkk er truleg skilt ut frå Finnset, men det må vera noko langt attende. Dei fyrste kyrkjeboka nemner, er ein Kristen Pålson g m Kari Hansdtr. Dei hadde før ått Hulbak 78-2 (sjå der). So kom den Ola Arneson og Margit Andresdtr som sea vart ved Finnset 71-2 (sjå der). Deretter Ola Olson g 1785 m Ingerid Halvorsdtr Løkji eller Lykkjun 1749-1836-87: Anne 1785, Ola 1787, Anne 1789, Halyor 1791 d, Halvor 1793. Sonen Ola fekk bruket g 1808 m Margit Halvorsdtr Rusto 1781-1867-86: Halvor 1809 bonde i Døkk, Ingerid 1812, Ingerid 1814-97-83 g m Ola Intelhus, Anne 1816, Anne 1820 den eine av dei vart g m Ola Lauvset, Ola 1823, Tore 1826. Halvor fekk garden g 1838 m Liv Hulbaklien frå Gol d 1884, kring 80 år gamal. Det byrja so grust med dei. Ein slektning fortalde at den våren dei vart gifte, reiste dei åt Hyddale med buskapen, reiste upp ved Rusto, morsheimen til Halvor. Då kjælast dei slik etter vegen at folk syntest det bar over streken. Men det tok slutt med skripalætet om ei tid og bar utor vegen på hin kanten. Det enda med at Halvor strauk sin kos og spordest ikkje meir. Liv laut forsyte seg sjøl og dottera: Margit 1838-70-32 som best ho kunna. Ho åtte Harahaug og budde der. Somme vetrar var ho på Vestlandet og tok del i fisket, er det fortalt. So vart Anne, syster til Halvor, «Døkk» dei kalla, g 1842 m Ola Mekkelson Lauvset d.y. f 1816, og dei tok over styringa i Døkk. Men det gikk ikkje so bra no heller. Ola strauk frå Anne og spordest ikkje meir. Anne budde til slutt i ei stugu i Grønhøle sør for Venåse. Reiste so til Amerika samen med Gunhild, dotter si i 1879. Born: Ola 1842, Mekkel 1844 bonde på Øygarde, Margit 1848, Ola 1850 g m Barbo Toresdtr Haugo rta 1873, Gunhild 1854. Knut Olson Hjelme i Grøndale 1832 g 1856 m Liv Persdtr Øndredal f 1832 var så i Døkk ei liten tid. Liv var omframt vakker, er det fortalt. Huslyden rta 1861. I Døkk hadde dei: Ola 1856, Kari 1859. So vart Døkk kjøpt av Ola Nilsson Krikkji 1833-1919-86 son av ungar Nils Person Venåse og gjente Kari Nilsdtr Krikkji. Etter nokre år selde han Døkk og budde deretter i ei stugu vest for Rese. Han døydde på Hustad. «Han var omhyggelig for sin gamle mor de siste år hun levde. Derved har han lagt noget godt til sitt minne» (HF). Jiggjer Olson Kyrkjebøn 1850-1934 g 1878 m Birgit Andresdtr Åse frå Nes 1855-1939 kjøpte so Døkk. Han var skreddar. «Sterkt interessert for lesning. Tenkte meget, men snakket lite. Jeg kan trygt si, at han var den hemsedøl som har lest mest og snakket minst» (HF). Ogso Birgit veit sers omgjengeleg menneske. Ho hadde eit sunt omdøme og var eit godhjarta menneske, det synte seg so ofte i grenden og der ho elles var. Born: Ola 1878-1959 bonde i Døkk, Andres 1880-1961 rta der vart han gift og etterlet seg 6 born, Knut 1882 g m Birgit V. Medgårde i Grøndale var ei tid bonde i Medgarde og sea på sør Bygdheim (sjå der), Botolv 1885-1966 eigedomsmeklar i Oslo g 1916 m Margrete Olimd frå Hadeland (dei hadde tre born: *Sigrid, Jæger, Synnøve*), Mari 1887 g m Kristoffer Boddning på Romerike, han fall frå heller tidleg (dei hadde ei gjente og två gutar), Ola 1890 g 1925 m ei frå Gudbrandsdalen (dei har två gutar, Ola dreiv med pensjonat til sonen overtok det), Olav 1892 g m Barbo Elbjør frå Gol, var bonde i søre Eikre ei tid, sea i Bjøbergo og busette seg so på Steinsrud 68-32 (sjå der), Olaug 1894 d. Ola d.e. vart bonde i Døkk g 1925 m Margit K. Liheim f 1900. Han bygde ny hallingstugu på garden og nydyrka mykje jord og var ein uvanleg flittig arbeidsmann. Kjøpte ogso attåt ein myrparcell på vestsida av elva. Born: Birgit 1925 g 1958 m Erling Myhra, Drolsum på Modum, Birgit var sjukesyster i Drammen i mange år, Gudrun 1928 g m Jakob O. Holde, Olaug 1931-32, Olav 1933 bonde i Døkk, Gunnar 1936 g 1961 m Ellen Johanne Skagenes frå Ådalen, dei er busette i Ål, der Gunnar er handelsstyrar (dei har ein gut og ei gjente), Maria 1936 d, tvilingsyster til Gunnar, Maria 1939-44. Olav overtok garden 1953 g 1957 m Liv O. Magnetun frå Gol f 1931. Han har bygt nye uthus og vølt om bustadhusa. Er mykje interessert i idretten, og har sjøl vore aktiv idrettsmann. Borna til Olav og Liv (dei skriv seg Dokk): Margit 1957, Ola Terje 1962, Gunnbjørg 1963, Bjørn 1965 Garden har langstøl i Hølleskaret, heimstølen uppi Finnsetbøtte er nedlagd. Noverande eigar har selt ei tomt på stølen og bygsla burt ei heime. Er med i kommunestyret og dessutan disponent for Hemsedal Skiheiser.

Hølle

Gnr 72, bnr 1, lnr 633 a.

på Hølle. Vanleg skriveform: Holde.

Hølle var ein av dei største gardane til han kring hundreårsskiftet vart delt i två, søre og nordre Hølle. Frådelt i eldre tid: nordre Fekjo, Mølnarslette, Høllebakkin, Høllemoen, Sprikji, Syngerberg, Krikken og det er ogso nemnt Pytten og Skrukka. I skattematrikkelen for 1647 er *Knud Holde* oppførd som eigar, «hann och hans broder eiger i samme gård 10 løbbel, och Konglig Majestæt med bœxel 2 løbbel, og garden er skattlagd som halvgard. I manntalet for 1664-66 er *ifuer Pedersøn* oppførd som uppsitar, og det er nemnt två husmenn: *Knud ifuersøn* 80 år og *Tollef Ifuersøn* 70 år. Den fyrste kyrkjeboka nemner, er Lars Hølle f 1644 med son: Asle. Den neste er Lars Gudtormson (den sama Lars) g m Kari Pålstdtr med son: Knut 1707. Asle Larsson vart g l) m Anne Hansdtr d 1724: Ivar ca

1720-43-23 g m Anne Olsdtr Skar. Asle vart g 2) 1725 m Kari Olsdtr. Dei hadde ei dotter: Anne ca 1728. Ved skifte etter Anne Hansdtr hadde buet m.a. 15 kyr, 10 sauer, 9 geiter. I 1735 døyr farsyster til Asle, Anne Ivarsdtr Hølle, barnlaus, og dei två borna til Asle erver henne. So blir det nemnt ein Nils Hølle med två born: Asle 1732 bonde på Tubbun (d 1773 som Asle Nilsson Brandvøl), Ingvar 1736-1803-67, som fekk 1782 ei dotter utanom ekteskap med enkje Birgit T. Bakke. Han døydde på Fausko utan livservingar. Dei andre ervingane var: 1) Broren *Asle* som då var død og let etter seg borna *Endre*, *Nils*, *Ingebjørg* (g m Ola Arneson Rustehaugji), *Kari* d.e. (26 år) og *kari* d.y. (24 år). 2) Broren *Sjugurd* på Øndredal (ikkje nemnd ovafor) som var død. og let etter seg borna *Nils*, *Knut* (23 år), *Ola* (14 år, kom til å bu i Venåsbakko), *Sjugurd* (10 år, kom til å bu i Skøyte), *Kari* (7 år). 3) Halvsystera *Anne* Aslesdtr som hadde vore g m Pål Hulbak, men no var død, dei hadde borna *Henrik*, *Kristen*, *Asle*, *Ola*, *Svein*, *Margit* og *Rønnaug* (sjå Hulbak). Den ovafor nemnde Ivar Asleson f ca 1720 og g 1741 m Anne Olsdtr Skar som døydde ca 1743, var det skifte etter i 1744. Ervingane er enkja og det einaste barnet: Asle 1742-55-13. Sonen fall burt berre 13 år gamal, og det var skifte etter han på Høvtuno i Gol 1756. Mor hans vart g 2) 1744 m Hans Nilsson Tuv. Dei hadde: Birgit 1745 g 1770 m Håkon Kvame i Borgund (hadde dottera: *Johanne* 1771), Ivar 1748 bonde på Hølle, Vøllø og Brandvøl, Nils 1750 d, Nils 1752, Ola 1754-56-2, Kari 1756-1836-80 g 1778 m Kristen Hulbak, Ola 1759 d før 1773, Anne (eller Asle) 1762, Svein 1764 sersjant, lensmann, bonde på Intelhus, Guri 1767 d, Guri 1769-1810-41 g 1789 m Per Olson Rese. - Anne Olsdtr døydde i 1773, 54 år gamal. Ivar Hansson fekk Hølle g 1) 1777 m Margit Trondsdr Grøndale 1757-82-25 som døydde i barnseng: Hans 1779-1839-60 bonde på Brandvøl, Hans 1780-1855-75 bonde i Træe, Grøndale, Ola 1782-1811-29. I skiftet etter Margit 1782 var Ingvar Grøv, Knut P. Tuv og Ola Andresson Tuv takstmenn. Buett hadde tilgode 6 rdl hjå Hallstein Øndredal og 3 rdl hjå Hans Trøym. Men skulda var stor: til Håkon Kvame 510 rdl, til Lars Egge, ogso Borgund, 10, til Ola Torsteinson, Ål, 15, til Sjugurd Skjerpung, ogso Ål, 3, til Ivar Løkji eller Lykkjun 2, til Andres Oddmundson på Modum 30, til Jon Holt på Bragerne 8 og til madam Alleløf 8 rdl. På grunn av den store gjelda bad Ivar om å få sitja i uskifta bu, ettersom borna enno var so småe. Og det fekk han. Det er forresten merkeleg at ein fjellbonde set seg i gjeld til folk so langt burte. I makeskifte brev av 1784 byter Ivar gard med Ivar Olson Vøllø, som på den tid var ein mykje mindre gard. Ivar Hansson gifta seg att i 1784 (sjå Vøllø og Brandvøl). Ivar Olson på Hølle gifter seg med ei Kristine Persdtr. Ho var ikkje hemsedøl. Og det er visstnok heller ikkje Ivar. Dei er både innfløtte i - og utfløtte or bygden. Born: Hans 1779, Per 1783, Endre 1786, Kari 1788, Kristine 1793, dei tre siste født på Hølle. I 1793 sel Ivar 10 løbel av Hølle til sonen Hans. Han er berre 14 år, men faren kunna ta skøyte i namnet hans. Og so pakkar venteleg Ivar det han har og dreg ut or bygden. Ei burtbygsling av Hølle er nemnd i eit dokument datert 20-10-1762 (sjå Høvda 87-1), men korleis det nærmare heng i hop med dette, er det ikkje lett å bli klok på. I 1793 blir Hølle kjøpt av Knut Trøym 1731-1803-72. Han kom visstnok ikkje til å bu der sjøl, men sønene Per og Herbrand fekk kvar sin halvpart. Herbrand kom snart attende til Trøym, men Per f 1760 og g 1788 m Margit Torkjellsdtr Brandvøl f 1767 vart verande på Hølle, og ætta etter dei har vore på Hølle like til no. Born til Per og Margit: Kari 1789, Knut 1791, Jakob 1794-1859-65 bonde på Hølle, Kari 1797, Per 1799 d, Knut 1800-87-87 bonde på Fekjo, Kari 1804, Margit 1807, Per ca 1808-87-79 bonde på Høllebakka. Jakob fekk garden g 1820 m enkje Margit Botolvsdtr Bjøbergo (sjå der) d 1872, 79 år gamal. Dei hadde: Knut 1821-82-61 bonde på Hølle, Botolv 1825-33-8. Margit Hølle vart kalla Hølleløla. Ho var ein meister til å skrape ihop mammon. Og det var smør og krøter som utgjorde velstanden og vart til mange tusen dalar. And. Mehlum fortel ei gamal søgn knytt til Hølle og Hølleløla: Ein fremman-bekar var brått komen inn i høya ein kveld. Og då det mørkna, kom det ei haugakjæring på buadøre og sa: «Denna bukken ska'ru ha før at du heldt buahella (dørhella) di so rein, før det æ bordet mitt det.» Hølleløla hadde stor lykke med smalen so lenge denne bukken levde. - Det vart til og med laga eit stev om dette: A Hølleløla med rinda-stakkji ho slakta bukken på vesle-krakkji. o endå va det kji rarast det, men lykka reiste med bukkji med. Sommaren 1859 vilde Jakob eit ærend burtom åne. Syntest det var ein krok gå nordom Høllebrune og tok difor med seg ein planke, som han la over neda fossen og vilde gå over der. Planken glei, Jakob rauk overende ned i elva og drukna. Knut fekk garden g m Ingerid Knutsdtr Torset 1821-1917-96 (den eldste i bygden då ho fall burt). Knut var einaste erving til den store garden og alle pengane som Hølleløla hadde drege i hop. Og han og kona auka medelen jamnt, so dei let etter seg ein stor arv, av dei største i bygden. Attved pengane hadde dei fått vet til å vera gjemeinslege, onnuge og sparsame. Born deira: Margit 1844 d, Margit 1845-1919-74 g m Ola Fausko, Jakob 1848 bonde på Hølle, Ingebjørg 1851 d, Ingebjørg 1852-1908-56 g m Ola I. Grøndale, Margit 1854 g m Ola Olson Tuv, Knut 1855 d, Rangdi 1856 g m 1) Knut O. Trøym, 2) Knut Rese og 3) Eirik Torset, Oline 1859 g m Knut Andresson Torset, Knut 1863 d, Knut 1864 g 1885 m Kari Andresdtr Torset, bonde på Skrindo i Ål (i Hemsedal hadde dei: *Ingerid* 1885, *Birgit* 1887). Knut sette livet til ved ei ulykke. Då dei fløtte heim frå Hølleskaret hausten 1882 kørde Knut två kløvhestar. Den eine, ein unghest, var vilter av seg og ajerte slik at Knut rauk overende. Hesten trødde Knut under seg og kom til å trø på knivamboda hans so kniven gikk inn i livet på Knut. Under dødsstriden vilde ein av slektingane hans

ha greie på rekneskapane hans. Men Knut avviste vedkomande med dei ord: «Det æ kji tid te det no. Det vøre om å gjera å få ein frelst sjel no. «Således blekner all verdens herlighet, når en står ansikt til ansikt med redslernes konge» (HF). Sonen Jakob 1848-1932 fekk garden g 1869 m Birgit Olsdr Øndredal 1843-1909-66 (ho døydde av leverkreft): Knut 1870-1928 bonde på nørdrø Hølle, Ingerid 1872 g m Ola Andresson Øndredal, Margit 1873 g m Bjørn Hallstein son Lauvsletten i Tørpo, Ola 1876 bonde på søre Hølle, Anne 1879-81-2, Margit 1879 tviling d, Margit 1881-1919-38 g 1919 m Torstein Nilsson Vølle, Anne 1884 g m Ola Sveinson Jordheim i Skarsdøkken. - Jakob delte garden mellom dei två sønene sine i 1905: Knut fekk hovudbølet, som heretter vart kalla nørdrø Hølle, og Ola fekk den søre halvparten, der han bygde åt seg. Jakob fløtte til søre Hølle og budde der til sin død. Dei siste 17 åra var han sengeliggjande, og det vart mykje stell og arbeid for Guri, kona til Ola.

Nørdrø Hølle

Gnr 72, bnr 12.

Knut vart g 1905 m Karoline Nilsdr Vølle 1878. Dei hadde: Jakob 1906 bonde på nørdrø Hølle, Nils 1907-73 g m Ingeborg S. Kirkebøen, Knut 1909-30 drukna under bading med han var elev ved Buskerud landbruksskule, Ola 1911 g m Anna Slettemoen i Gol, han er kontorsjef ved Hallingdal Salgslag, dei er busette i Gol (har två gjenter), Birgit 1913 arbeider i Oslo, Borghild 1915 g m elektrikar Narve Hagen i Krøsshørad (dei har ei gjente) Ola og Borghild gifta seg sama dagen, Ingerid 1917 g m Henrik Nedrehegg i Lærdal (dei har ei gjente og två gutar), Maria 1921 g 1948 m Hans Nedrehegg i Lærdal (dei hadde ein gut, men han døydde i 1966). Jakob overtok garden 1931 g 1951 m Signe S. Tuv f 1910. Jakob er skjønsmann. Har nydyrka jord, bygt uthus og vølt om bustadhusa heime. I Høllskaret har han vølt om stølsbua og bygt två hytter til utleige, likeeins har han del i hytte og rettar i Venebøtte på grensa mot Ål. Heime på garden er det frådelt ein parsell der broren Nils bygde og busette seg (Hallvin 72-21). Til nørdrø Hølle høyrer det två langstølar i Høllskaret. Den gamle heimstølen ligg på vestsida av Heimsil.

Søre Hølle

Gnr 72, bnr 1.

Ola 1876-1962 vart g 1914 m Guri Nilsdr Vølle 1887-1964 (tre par frå huslydane Hølle-Vølle vart altså gifte med kvarandre). Ola bygde frå nyo på garden, og han nydyrka ogso ein god del jord. Til det frilynde ungdomslaget selde han tomt, og laget bygde ungdomshuset «*Hugnadheim*». Dessutan fekk sonen Oskar ein parsell av garden, der han bygde og busette seg (sjå Fagerlund 72-22). Borna til Ola og Guri: Birgit 1914 g m Ingvar Venås, Jakob 1915 bonde på søre Hølle, Nils 1918-40, sette livet til ved ei ulykke under fjellsprenging, Margit 1920 g m Ola P. Fekene, Kristian 1922 driv med mur- og pussarbeid, Oskar 1923 g m Guri Anfinhaug, Bjarne 1929, forretningsmann i Drammen, g 1959 m Turi Kristiansen, Drammen (dei har ein gut). Jakob overtok garden i 1946 og vart g 1945 m Gndrun O. Dokk f 1928. Har nydyrka jord og bygt nye uthus, dessutan mange hytter til utleige, fleire av dei i Høllskaret, og har halvparten av hytte og rettar i Venebøtte. Søre Hølle har två langstølar uppe i Høllskaret og ein heimstøl på vestsida av Heimsil. Borna til Jakob og Gudrun: Olav 1946 g 1969 m Mona Arnesen frå Drammen f 1949, Odd 1949, Gnnar Magne 1952-53, Elisabeth 1955, Jorunn 1961.

Hallvin

Gnr 72, bnr 21.

På Hallvin. Ny bustad.

Nils K. Holde 1937-73 kjøpte ein parsell av bror sin på nørdrø Hølle og bygde åt seg her på Hallvin i 1945. Han vart g 1945 m Ingeborg S. Kirkebøen f 1919. Born: Kari 1946 g m Svein Midtskog, Oslo, Aud 1947 g m Helge Aarnes, Gvarv i Telemark, Kirsten 1949, Solbjørg 1951 g 1973 m Åge Haga, Nesbyen. Nils bygde pelsdyrfarm og dreiv pelsdyruppdrett som yrke. Bygde hytte i Høllskaret og ein del motellhytter heime på garden. Eigar no er Åge Harry Haga f 1940, lærar ved Tuv skule.

Fagerlund

Gnr 72, bnr 22.

På Fagerlund. Ny bustad.

Eigar: Oskar Holde (som nyttar sitt eige ættenamn). Han fekk ein parsell av søre Hølle hjå Ola, far sin, og bygde der. Dei fløtte inn på Fagerlund 1965. Oskar O. Holde f 1923 er bilmekanikar og arbeidde 12 år på Hemsedal Bilverkstad. Var i nokre år disponert for A/L Hemsedal Skiheiser og arbeider no som mekanikar hjå Hemsedal Maskinlag. Han har ved sida av eigen verksemd i kjellaretasjen i huset sitt. Vart g 1965 m Guri Anfinhaug f 1929. Born: Else Grethe 1965, Gerd Odny 1967.

Sprikji - no Løvstad

Gnr 72, bnr 7, Inr 634. I Sprikji.

Dette bruket låg sør upp frå Hølle ved Fekjabekken. Her budde Endre Asleson 1755-1822-67 g 1803 m Gunhild Knutsdtr Hallen 1780-1848-68. Endre var son til Asle Svein son og Barbo Endresdtr, men kyrkjeboka nemner ikkje kvar dei var ifrå. Borna til Endre og Gunhild: Anne 1804 g 1832 m Ola Person Viljugrein, dei budde i Sprikji ei tid, men reiste so til Amerika, Asle 1808-87-79 g 1843 m Liv Torleivsdtr øyn ved Øndredal og budde der, Mari 1812 g 1844 m Ingvar Endreson øygarde, dei rtA, Guri 1815 g 1859 m Herbrand øygarde (hadde før ekteskapet dottera *Gunhild* Ellingsdtr 1843 g m Ola T. Øyn), Kari 1819-83-64 g m Sjugurd E. Øyn. Anne og Ola, som budde i Sprikji før dei rtA, hadde borna: Kari 1834, Per 1836-39-3, Gunhild 1839-45-6, Ingebjørg 1842. Etter dei budde Ola Helgeson Berg f 1830 i Sprikji, g 1856 m Kari Mekkelsdtr Fausketeigji f 1834. Dei rtA i 1866. I Hemsedal hadde dei: Helge 1864.

Deretter låg bruket øyde i lang tid. I 1947 vart det busett på nytt. Det var Ingvar og sea Ola Møllerplass (72-3) som hadde ått egedomen, og Knut Møllerplass, son til Ingebjørg, bygde bustadhus og fløtte hit med huslyden sin. Bustaden vart no kalla *Løvstad*, men Knut brukte sitt eige ættenamn. Knut Møllerplass 1905-58 vart g 1943 m Olaug Reiergård f 1910. Knut var yrkessjåfør og køyrde i mange år for A/L Hemsedalbilane, men slutta der i 1953 då han var med og starta og vart deleigar i Hemsedal Maskinlag. Han var og deleigar i Hemsedal Bulldoserdrift 1950-53. Borna til Knut og Olaug: Odd Iver 1944 g 1973 m Greta Marie Lindberg, køyrer drosje i Oslo, Per Otto 1944 tviling, køyrer for Frantsefoss Bruk i Bærum, Arne 1950 g 1970 m Randi Børtnes frå Nes og arbeider på Mysen (har ein gut og ei gjente), Ingvar 1953 maskinkøyrar hjå Thomas Langehaug. - Knut var køyrar for heimestyrkane i 1945. Sprikji har frå gammalt två langstølar i Hølleskaret og hadde visstnok ogso ein heimstøl (Myre) på andre sida av Heimsil.

Nordre Fekjo

Gnr 72, bnr 2, Inr 633 b.

På Fekjo. Vanleg skriveform: Fekene.

Der finn me Knut Person Hølle 1800-8787 g 1) 1825 m Sunnev Olsdtr Toregarde f 1803: Ola 1826-77-51 bonde på Fekjo, Per 1828-45-17, Margit ca 1830 g 1857 m Ola Sjøheim i Gol, dei rtA. Knut vart g 2) 1835 m Birgit Olsdtr Grøvargarde: Ola 1835-1904-69 bonde i Purkestadhaugo, Sunnev 1836-1906-70 g m Ola Fausketeigji, Margit 1840-1921-81 g m Lars Imre, Knut 184281-39 handelskar, ugift, Ola 1844 g m Ingerid Embriksdtr Bekkjidale rtA (*Marie*, dotter deira, vart i Amerika g m Odd Jiggjerson Trøym), Per 1845-1923-78 rtA, Ragnhild 1848 g m Per Sletthaug rtA, Ingvar 1850 g m odelsgjente Barbo Mølarsletten, Kari 1854 g m Trond I. Grøndalshaugji. Ola d.e. fekk garden g 1855 m Barbo Jonsdtr Mylkeset ifrå Gol: Knut 1855 bonde på Fekjo, Jon 1857 g m Sigrid Rugnus frå Valdres rtA, Sunnev 1859-1934 g m Lars Martinsen 1852-1935 i Lier, Ingebjørg 1861 g m Ingvar Buksemoe på Nes (hadde før ekteskapet ein son: *Per* Knutson 1883-86-3), Sissel 1863 g m Svein Li i Gol, Margit 1866 g m Elling Vøll i Flå, Ola 1868 g m Margrete Fausko, bonde på Bekkjistad, Per 1872 handels kar, bonde i Træe i Grøndale, Embrik 1875 handelskar, budde på Bruvølle ved Tuv. Knut fekk garden g ca 1884 m Barbo Aslesdtr Brunsvall frå Nes: Ola 1884 d, Margrete 1886 g m Knut Eggum frå Borgund, Ola 1887, Barbo 1889, Oline 1891. I 1893 kjøpte Knut og Barbo garden Flattum på Modum og fløtte dit. Det var Nils Halvorson Heggjistad 18561941 som då kjøpte Fekjo (for kr. 6000) og fløtte dit. Nils vart g 1894 m Margit Olsdtr Snerte 1865-1930: Anne 1895 g m Knut O. Tuv, Halvor 1896-1955 ugift, var bonde på Fekjo etter far sin, Ola 1899 dreiv ei tid med pelsdyr og elles med gardsarbeid, ugift, Eline 1902 d, Eline 1904 g m Halvor K. Ullsaker, Trond 1906 g m Bergljot Hamborg i Gol, driv eigen sportshandel der (dei har ein gut: *Nils Anders*). Nils dyrka, bygde og vølte om ein del på garden. Halvor overtok egedomen og dreiv han godt. Han nydyrka jord og bygde hytte i heimre Hølleskaret. Han var ein varsam og grei kar som alle likte godt.

Då han fall ifrå, selde ervingane i 1959 garden til hans systersøner på Tuv, og noverande eigar er Ola K. Tuv. Med Halvor levde, fekk Ola, bror hans, byggje seg hytte i utmarken nordvest for garden. Parsellen er no skyldsett under namnet Bekkelund 72-25 (sjå der), og Ola har skrivi hytta med tomt på brorsonen Nils Anders Fekene. Hytta i Hølleskaret overtok Ola N Fekene då Halvor fall ifrå. Noverande eigar har avhenda ei tomt på egedomen til Nils, bror sin, som har bygt der (sjå Syngerberg 72-24). Han har ogso bygt ei hytte på nordre Fekjo. Garden har frå gammalt tre langstølar i Hølleskaret. Vårstølen og Rudningen på vestsida av Heimsil vart før nytta som heimstølar.

Syngerberg

Gnr 72, bnr 24.

Det var eit berg dei kalla so. Det låg nord opp for nørde Fekjo. Her var det eit lite bruk som og fekk namnet Syngerberg. Der budde det ein Eirik Olson Fausko 1790-1819-29 g m ei Ragnhild Øysteinsdtr. Dei hadde ein son: Ola 1814. Eirik fraus i hel i snødrev på fjellet. Enkja vart g att 1835 m Torleiv Hensrud. Ho døydde 1838, ca 60 år gamal. Det hende iblant at folk sette livet til under illver på fjellet, endå folket i fjellbygdene kjende vel til kor farleg det var å ferdast i høg fjellet når det sette inn med snøbus eller vind og snødrev. Distriktslækjar Just Thoner (kommunelækjar i Gol 1908-17 og distriktslækjar i Gol og Hemsedal 1917-26), som arbeidde ein del med historiske emne og livet i fjellbygdene, var inne på dette i artikkelen «Litt om gamle samferdselsveier og nedlagte fjellgårder i øvre Hallingdal» (Den norske Turistforenings Årbok 1927 s.17 flg.) og nemner ei rekkje ulykker som kosta menneskeliv til fjells. I opprekninga er desse nemnde frå Hemsedal: 1771 var det två frå Lykkja som fraus i hel på fjellet mellom Hemsedal og Valdres, like eins Jakob Berg frå Nordbygden i Hemsedal, 1773 vingla det ein mann og vart burte på Hemsedalsfjellet, han var ifrå Lærdal, 1818 omkom Knut Bjøbergo og Torgeir Øynelien i snødrev på fjellet vest for Bjøbergo, 1820 fraus Eirik Mølnarplasse i hel i snødrev på fjellet og Gudtorm Jordheim drukna i Flyun, 1822 fraus det i hel ein mann på Hemsedalsfjellet. Men Thoner har nok ikkje fått med alle, soleis ikkje ein Eirik Fausko. Skodda var heller ikkje å spøkje med. Han far skulde ein vinter gå over Valdresasen frå Valdres åt Lykkjun. Då han kom opp på åsen, tok han sikte på Robøle ved sørenden av Lykkjekjølen. Det skulde ikkje vera so svært langt i bein line, meinte han. Det sette inn med tjukt ver og snøkavar, og han gikk og gikk utan å koma dit han trudde. Langt om lenge tok det til å mørkne og han visste ikkje kvar han var, han var heilt kringsnudd og ille ved. Endeleg bar det nedover eit dalføre, og der råka han på folk. Han var komen ned i Tisleidalen. Der fekk han overnatte og kom dagen etter til Gol. Han hadde teke sørover i staden for vestover (OR). Det gamle Syngerberg vart liggjande øyde i lang tid, men so vart det reist eit nytt Syngerberg no ganske nyleg: Nils K. Tuv - som nyttar sitt eige ættenamn i skrift og tale - fekk tomt på nørde Fekjo hjå Ola, bror sin, like opp til Syngerberget og bygde og busette seg der i 1967. Eigedommen vart fråskild under namnet *Syngerberg 72-24*. Nils Tuv f 1928 vart i 1967 g m Marit Synnøve Bråthen frå Hurum f 1945. Dei har tre born: Kjetil 1968, Anne Berit 1970 og Jorun 1972. Nils er kommunemann og skjønsmann. Etter endt utdanning og noko praksis kom han attende til heimbygda og vart tilsett som heradsagronom her. Nils har ei hytte på Fagerset samen med Olav, bror sin. Det var ei eldre hallingstugu frå farsgarden som dei fløtte hit og vølte på.

Bekkelund

Gnr 72, bnr 25. Ny bustad.

Eigar: Nils Anders Fekene. Engebret Syversbråten frå Nes g m Ingebjørg Berget frå Gol budde her ei tid. Han dreiv fyrst sportsforretning i Gol 1934-46, men fløtte so til Hemsedal og starta sportsforretning her i 1947, som sonen no driv. Sjå elles Sørli 67-125. På Bekkelund budde assisterande kommuneingeniør Roar Johansen ei tid. Bur no i det nybygde huset Myra 68-75 på Skogajordet (sjå der). Leigebruarar no: Tormod Røren frå Horten f 1952. Arbeider ved Horten Konserv. G 1971 m Bjørg Andreassen frå Skien f 1952. Born: Henning 1971, Tor Inge 1975.

Søre Fekjo

Gnr 70, bnr 3. På søre Fekjo.

Her på søre Fekjo bygde Eirik Haug g m Ågot Snerte ein ny heim åt seg sistpå dei levde (sjå Haug 70-1). Dei brukte denne gardparten og stølen Preinsrud på Krøssleino i Bulien og øydebruket Haugslette. Her budde ogso Liv, syster til Eirik, *sum* hadde vore gift två gonger (sjå Skarsdøkkji). Eirik og Ågot var sparsommelege folk, og dei drog so mange pengar at det vart ein bra klatt til arvingane. Då Eirik fall frå, vart Ågot g 2) m Knut Olson Lien 1835-1917-82. Ågot fekk slag og var vanfør i 11 lange år. I 1912 selde dei garden til Trond Olson Snerte, brorson til Ågot, som kom der med huslyden sin. (Sjå Snerte.) Trond Snerte 1856-1947 skreiv seg Fekene etter at han fløtte dit. Han vart g 1888 m Margit Torsteinsdtr Huso 1866-1961. Kari dotter til Trond og Margit, fekk garden. Ho vart g 1917 m Jakob Trondson Brandvøl f 1882. Dei tok ogso Fekene som etternamn. Jakob var ein uvanleg flittig og flink arbeidsmann. Utanom gardsarbeidet dreiv han mykje med hellelegging på hustak, og det var han ein meister til. Godt handelag og eit ljost humør sermerkte han. Han bygde i si tid både uthus og bustadhus på garden, likeeins bygde han ein god del på stølane. Dertil nydyrka han ein god del jord og vyrdsla og stelte alt på beste måte. Borna til Jakob og Kari: Margit 1917 g 1950 m Mikkel Skogheim frå Gol, dei bur på Geilo (har två gjenter), Margit har ogso arbeidt ein del som sjukepleiar, Maria 1919 har i mange år vore ved telefonsentralen i Ål, Birgit 1921 g 1946 m Knut Rekve frå Voss, dei bur i Ål (har fire gutar og ei gjente), Trond 1923 har garden, Trygve 1925 g 1953 m Astrid Halsteinsgård frå

Gol, dei bur i Oslo (har två gutar og ei gjente), Elie Olava 1928 g 1955 m Lars S. Strand i Ål, redaktør av «Hallingdølen» (har två gjenter og ein gut), Ola 1930 hadde ei tid kontorpost i Danmark, Torstein 1932 g 1959 m Agnes Garnås frå Svenkjurud, er busette i Gol, der Torstein er verksmeister på Hallingdal Auto (dei har ein gut og ei gjente), Olav 1934 autorisert revisor i Hemsedal, Arvid 1937 lastebileigar g 1964 m Olga Bergene frå Lesjaskog, dei bur i Oslo (har ein gut), Bjørg 1941 utlærd sjukesyster, arbeider i Oslo g 1969 m Torstein Dale frå Harstad som er tilsett ved NIVA og arbeider med vitenskapleg gransking av ureinska i nedbøren. Trond overtok garden etter far sin i 1953. Han har nydyrka mykje jord på Baggøyn, ei slåtte utmed Heimsil som høyrer garden til. På Krøssleino i Bulidale har garden langstøl. Der er det og bygt ei hytte til utleige. Langstølen i Preinsrud er nedlagd. Før hadde garden ogso heimstøl, som låg på Haugssletten på andre sida av Heimsil. Haugsslette var bygselbruk i gamal tid.

Fredheim

Ny bustad frådelt søre Fekjo. Enno ikkje skyldsett.

Guri, dotter til Trond og Margit Snerte, som fløtte til søre Fekjo i 1912 (sjå 61-2), vart g 1941 m Ola Pålhuso, som fall burt i 1946. sama året selde ho Pålhuso og fløtte attende til søre Fekjo, der ho bygde seg hus i Bekkjidale og kalla det Fredheim. Har butt der sea.

Solåker

Gnr 70, bnr 16.

Ny bustad, sist tilkomne.

Eigar: Olav J. Fekene.

Mølnarplassen

Gnr 72, bnr 3, lnr 633 c.

På Mølnarplassen. Ogso kalla Mølnarslette. Skriveform: Møllerplass.

Her budde Ola Andresson Haugssletten 1814-1901-87 g 1844 m Ingebjørg Olsdtr Intelhusbakko 1810-90-80. Ola, «Mølnarn» dei kalla, var ein framme mann på fleire vis. Han sette opp kvedn i Høllefosse, ho gikk heile vinteren, og dei mol der frå heile bygden. i 1870-åra sette han i gang med siktmølle og, men ho vart så lite nytta at han slutta med henne. Det var best å sammala eigen avling, meinte folk. Han fekk i stand stampe og, som heile Nordbygda gjorde seg bruk av. Sør bygda brukte stampa på Trøym. I gamal tid vov deigjerne både ein og fleire vadmal svevar på kvar gard, so det vart ikkje lite av det slaget. I nyare tid vart det mindre å gjera, stampene i Hemsedal vart nedlagde, og folk sende vadmalsvevane sine til fargaren på Nes. «Mølnarn» hadde ogso ein bra buskap. Ved eit fesjå i Hemsedal 1866 fekk han den eine av dei seks premiane og mykje ros attpå. Barbo, dotter til Ola og Ingebjørg, fekk garden. Barbo 1844-1920-77 vart g 1875 m Ingvar Knutson Fekjo 1850-1932. Dei åtte både Mølnarplassen og Sprikji, styrde godt og vart velstandsfolk. Dei gamle «gikk i brød» (kosthald) hjå dei unge og hadde ikkje serskild livauere. «Jeg så og vet at det gikk utmerket godt. Ofte kan de gamle og unge ikke enes. Det er derfor godt å kunne statuere et eksempel på hygge» (HF). Ingvar og Barbo hadde: Ingebjørg 1878-1959, Ola 1881-1966, baae ugifte. Ingebjørg stelte heime til ho fall frå. Ola overtok eigedomane etter sin far og hadde dei til sin død. Han hadde eit godt minne og kunna fortelja om mykje frå gamle dagar. Som fleire andre i bygden dreiv han med lassekøyring for kremarane, frå Gølsvik (Gulsvik) på tången og frå Sundvølle (ved enden av Krøderen) vinterstider. Dei brukte kring ei vike på ein slik tur. Då Bergensbanen kom, vart det lassekøyring berre frå Gol. Ola var interessert i lesnad og hadde bøker og blad fra lang tid attende. Ingebjørg hadde två gutar: *Knut* Olson 1905-58 og *Per* Person 1917. Knut g m Olaug Reiergård overtok Sprikji (sjå 72-7). Per er maskinkøyrar for Hemsedal Maskinlag. Han var med i heimestyrkane i 1945. - Mølnarplassen har samen med Sprikji fire langstølar i Hølleskaret.

Høllemoen

Nedlagt umatrikulert bruk under Hølle.

På Høllemoe budde ei tid Ola Olson og Liv Helgesdtr, dei hadde visstnok ogso butt ei tid på Fauskeplass. Dei hadde ein son: Ola 1788. Det er på denne tid fleire par Ola og Liv i bygden, og somme av dei har flakka noko omkring, so det er ikkje heilt greitt å skilja mellom dei. Det er soleis nemnt ein Ola Olson og Liv Helgesdtr Vølleieigo med dotter: Ingeborg 1786. Det kunna vera dei sama som ovafor nemnde. Vidare er nemnt Ola Bjørnson og Liv Helgesdtr Gronke med dotter: Barbo 1796, Ola Eivindson Skølt g m Liv Bjørnsdtr 1788, Ola Olson Kyrkjebøn og Liv Helgesdtr g 1783. Sistnemnde hadde ein son: Nils 1783-1826-43 g 1814 m Barbo Jonsdtr Strønden, dei budde på Stunde. På Hjøllemoen bur det so ein Helge Olson Bakke 1777-1850-73 g 1812 m Marte Bjørnsdtr Grohaugji

1790-1872-82. Han var fødd på eit Løkjisbruk, men foreldra hans budde ei tid på Bakke. Marte var fødd på Hjelme. Helge var svarvar og for omkring i bygden med ein sekk skåler og fat som han selde. Marte var alltid i godlag. Eingong kom ho berande på ein svær primost i eit sveg over Høllebrune. Ho halla seg attåt handreden for å kvile på, og best det var datt primosten or sveget og ned i åne. «Detta va godt,» sa Marte, «no blanda e åt heile Søbygden.» Ein gong i skurden sto ho på Hølle og skar. Ho var på fallande fot og fekk føderier, la skyra frå seg og sa til dei andre: «E får springe burt att med e eig ein onggi!» (Ein liknande tilburd blir fortalt om ei kone på Intelhusbakko.) «Martes ord på Høllebroen minner mig om en herme efter en golving. Mann og kone skulde til lauvskogen en mandagsmorgen. Kona bar et melkespann, og mannen bar grautfatet knytt i et plagg. Mannen hadde nok turet litt i helgen, så han var ikke riktig stø på foten. Han datt, og grautfatet kom ned i en stein, så det klovnet og grauten med det. «Nei detta va beinkløyvd graut 'det, kjæring,» sa mannen og klødde sig bak øret» (HF). Borna til Marte og Helge: Kristi 1812 budde uttafør, Margit 1815 budde i Reinlid, Valdres, Kari 1818-74-56 g m Ola Hustadbergji, Anne 1821 rta og vart g m ein frå Hadeland, Ola 1825-1913-88 bonde i Pålhuso, Sigrid 1827-1914-87 g m Per Brøto ved Trøym, Margit 1830 budde uttafør, Vilhjelm 1834-99-65 tilhaldar i Harahaug.

Høllebakkjin

Gnr 72, bnr 6, lnr 633 d. På Høllebakka.

Var två bruk eingong i tida: Bakkjin og Haugen, bå skrivi for Hølleigo. Kristen og Kari Hulbak budde der ei tid. Dei var komne i baklås med styringa på Hulbak, og laut gå ifrå garden. Budde ei tid i Døkk og kom so til Høllebakka (sjå nordre Hulbak 78-2). Men sonen Pål greidde koma seg upp att. Han tok att Hulbak åt seg sjøl og gav foreldra sine husvære og. Seinare budde Ivar Nilsson frå Høltø (70-2) der ei tid. Deretter kom Per Person Hølle 1808-87-79 til Høllebakka g 1841 m Kari Nilsdtr Hustad 1807-90-83. Dei hadde: Margit 1841-1933-92 g 1864 m Ola Skøyte, Per 1843-44-1, Per 1845-1923-78 bonde på Høllebakka, Ragnhild 1847-1939-92 g m Ola Rundtupp, Ingebjørg 1850-1928 skral med helsa, budde ei tid i Rundtupp og døydde hjå Gunvor og Knut Tuv på Sletthaug, Nils 1853-54-1, Kari 1854-1932 g m Knut Lykkjebakko, Kari 1858-1944 g 1882 m Knut Haga i Lykkjun, dei kjøpte ein av Kammerudgardane i Valdres og busette seg der. - Kari frå Hustad låg noko lenge sjuk på slutten. Knut Rundtupp, dotterson hennar, vitja henne ein sundag. Han sat og les for henne, og etterpå bad ho han syngje. Og med han song, døydde ho. Per fekk garden g 1885 m Guro Andresdtr Åse frå Nes 1853-1909-56: Kari 1891 d, Per 1892-1969 utdana seg som lærar og hadde eit godt lag med borna, var lærar på ymse stader (Gol, Årnes, Sørlandet), ein finsleg og stillfarande mann, vel likt av alle, let etter seg kone og ei dotter. I 1921 vart garden seld til Embrik Fekjo. Sea har det ikkje butt folk der.

Krikken i Krikkji.

Nedlagt umatrikulert bruk under Hølle.

Der budde Nils Olson 1750-1817-67 g m Sigrid Henriksdtr 1769-1851-82. Nils var son til Ola Knutson og Ingebjørg Torkjellsdtr Jordheim, og Sigrid var dotter til Henrik Haug og Birgit Bakke. Fyrst budde dei på Jordheim, so på eit Trøymbruk, og so kom dei åt Krikkji. Og borna som vaks upp der, vart heitande Krikke-Birgit, Krikke-Kari osv.: Henrik 1792, Ingebjørg 1795, Henrik 1797, Birgit 1800-87-87 gift, Kari 1803-95-92 (med son: Ola Nilsson 1833-1919-86), Ola 1807. Kari var noko skript av seg i ungdomen. Var det regn, vilde ho ikkje vera ute, heller ikkje når det var for varmt solskin. Svalent ver kom folk difor til å kalle «Krikke-ver. Dagen etter at ho vart konfirmert, kasta ho boka oppå hylla og sa: «No ska bokji ha takk før me!» (Dette kom presten for øyra, og ho laut gå uppatt ein vinter, seier ein variant av historia. OR.) Kven som budde i dei nedlagde bruka *Pytten* og *Skrukka* kjenner ein ikkje stort til.

Andre huslydar i Høllegrenden:

1. Aslak Øysteinson Hølle g 1748 m Barbo Knutsdtr: Anne 1749 d, Anne 1752, Jørønd 1754.
2. Jehans Jakobson Hølle g 1764 m Gunhild Rasmusdtr, dei budde ogso ei tid på Kariset: Anne 1764, Jakob 1767, Rasmus 1776.
3. Tomas Jakobson Hølle g 1775 m Liv Sveinsdtr. Dei budde ogso på Tuv, i Lien og på Vøllo: Jakob og Svein 1776 tvilingar, Svein 1780.
4. Ola Anfinson Sletthaug 1818-73-55 g 1841 m Margit Mekkelsdtr Lauvset f 1809, dei budde på ein Hølleplass (Skrukka vesta åne), sea fløtte dei til Stryken mellom Svenkjurud og Døkken på Nes: Margit 1843, Anfin 1845, Mekkel 1849, Sjugurd 1854.

Andre døde på Haug, Finnset eller Hølle: Ambjørg Haug 1696. Eirik Haugs barn 1697. Svein Haug

1726, 3 år gamal. Eirik Haugs barn 1748. Eirik Haugs barn 1750. Ola Trondson Haug 1763. Gjentebarn på Haug 1780. Steingrim Finnsets barn 1760. Enkje Anne Døkk 1777, 75 år. Gjentebarn på Finnset 1781. Gutebarn på Finnset 1791, 2 år. Soldat Elling Kristenson Høllens barn utanom ekteskap 1752. Arne Olson Hølle druknar 1750. Anfin Eivindson Hølle 1753. Hans Høllens barn 1755. Gutebarn på Hølle 1791, 2 år. Knut Person Hølle 1794, 1 år. Arne Endreson Hølleplasse 1810, 80 år. Ola Knutson Hølle 1833, 19 år. Tilhaldar Ingebjørg A. Hølleeigo 1830, 31 år. Fattiglem Birgit Sjugurdsdtr Hølleeigo 1847, 70 år. Legdslem Margit Olsdtr Hølle 1836, 87 år.

Øndredal - Tuv - Vølle

Når ein kjem nordom Høllekølten, vidar dalen seg atter ut og ein fær eit nytt bygdesentrum ved Tuv, der Grøndøla og Mørkedøla møtest.

Som ved dei andre midstadene i bygden (Ullsåk, Trøym og Kyrkjebøn) er her gamle gardar og ny busetnad om einannan. Både gardsnamna og lendet tyder på at det her har butt folk frå alders tid, og dei mange nedlagde plassar og bruk under dei ymse gardsvalda tyder på at det var folkerike grender i dette strøket før utvandringa for alvor tok til. No i nyare tid er folkesetnaden atter i oppgang, med di det er kome ein heilt brote med nye bustader. Det byrja so smått før hundreårsskiftet og har auka svært etter krigen. Her i ættelistene har me teke med dei nye bustadene der det tyktest høve best, enten geografisk eller etter matrikelnumra. Som regel har dei som i nyare tid fekk seg nybygd bustad, halde fast ved sitt gamle ættenamn, slik det er gjort i dei andre tettbygde strøk i bygden. Det meste av busetnaden låg på solsida i gamal tid, berre nokre få bruk fanst på vestsida av elva. I nyare tid er det kome ei mengd nyare bustader på Tuvsbakka over på andre sida av Grøndøla frå Tuvsbrun og nordover. Og nørdest har me Høvda og Halle rett over for Vølle-grenden. Vølle-grende rekna dei frå Fausko og nordover til og med Høvda. Den gamle vegen åt Grøndøla tok ut ved Tuv og gikk gjennom tunet på Fausko og vidare bakke opp og bakke ned på gamaldags vis so nær kvar gard som råd var og ryftevis med opplødde steingardar på baa sidene. Den nye omlagde vegen vart bygt 1948-50 fram til Brekke. Vølle-grende er etter måten ei stor grend, og grendekjensla har halde seg godt ved lag fram til våre dagar og kome til syne i hjelpsemd og godt grannelag. Dei delte med kvarandre både det tunge og lette i fred og takksemd. Dei nørde Vølle-gardane og Høvda har stølane sine på Mørekvam og Kljån. I 1930åra vart det mjølkerute fram til Mørekvam, og dermed var det slutt med ysting og kinning. Gardane frå søre Vølle til Fausko har stølane sine i Hyddale, Vabuleino og på Fjellstøle. Her har og Brandvøl-, Hulbak- og Finnset-gardane stølane sine. Det vart arbeidt ferdig ny veg til Fjellstøle i 1939. Men vegen vidare er lang og stykkevis temmeleg bratt, so nokon mjølkerute kom ikkje på tale. Det var støling på gamaldags vis fram til 1960-åra. No er det nære på slutt.

Øndredal

Øndredals-eiga har vore samla under tre matrikelnr. 73-74-75 med tre gardar *Øndredal*, två *Øygarden*, *Ørjanshaugen*, tvåsom heitte *Øyne* og so *Pytten*, *Vestafør* og *Skrukka*. Namnet har vore skrivi på ymse vis: Underdal, Androdal, Undredal og Anderdal, bygdemålsuttalen er *Øndredal*. Skattematrikkelen av 1647 nemner två halvgardar: I den eine eig ein valdres 6 1/2 løbel (laupsbol) med bygsel som *Endre Andradalleiger*, og sjøl eig han som odel 2 1/2 løbel, dessutan eig Knud Knudsen 1 1/2 løbel og Kgl. Majestet 2 løbel med bygsel. Den andre er *Mogens Androdall* eigar av, hans odel med bygsel utgjør 6 løbel, dessutan har han «kiøbegods» for 6 løbel. So er det ein gard som blir kalla Mid Androdall, skattlagd som øydegard, og eigaren heiter *Knud Androdall*. Manntalet av 1664-66 fører opp *Endre Amphinsøn* 70 år gamal på den eine Undredal-garden og *Jon* 38 år med tenestedrengen *Mons* 16 år gamal på den andre, baa rekna som halvgardar. På den tredje, skattlagd som øydegard, bur *Knud* 24 år gamal med faren *Knud*, som er 80 år. Etter det her nemnde, må Øndredal ha vore ein noko gamal gard frå fyrsten, som har vorte upp delt i fleire.

Søre Øndredal

Gnr 73, bnr 1, Inr 635.

På søre Øndredal. Vanleg skrivi Anderdal.

Her budde Bjørn Endreson d 1732, 90 år gamal, g m Margit Nilsdtr, som døydde 1716: Endre ca 1696, Guri ukjent fødselsar g 1710 m Torgeir Toreson d 1735, dei hadde Øndredal. I skiftet etter Margit 23-1-1716 vart det registrert m.a. 9 nautskrytyr, 18 sauer, 2 geiter. Garden vart taksert for 36 rdl, 12 rdl pr. løbel. Guri og Torgeir hadde: Anne 1710 d før 1768 vart g m ein Kristian Rasmusson Øndredal, Knut

ca 1723-68-45 bonde på Øndredal, Margit 1727, d før 1768, g m Sjugurd Knutson Sjøheim. Knut blir i kyrkjeboka kalla Knut Jørgenson, men det må vera feil. Han var gift två gonger, men namnet på fyrste kona hans er ikkje nemnt, ho døydde i 1762. I 1765 blir han g 2) m Birgit Torleivsdtr Løkji. Dei var barnlause. I skiftet etter Knut, der han blir kalla Torgeirson, blir desse nemnde som hans utarvingar: Systema *Anne*, g m Kristian Øndredal, ho var då død, men let etter seg två born: *Torgeir*, som tener i Bergen, og *Kristi* som er g m Halvor Knutson Brandvøl. Vidare systema *Margit*, g m Sjugurd Sjøheim, ho var og død, men let etter seg fire born: *Guri* som er 18 år og tener på Lien gard, Modum, *Knut* som er 16 år og tener sama staden, *Anne* som er 8 år, og *Torgeir* som er 5 år, dei er baa två heime hjå faren. - Birgit blir gift att 2) 1769 m Hallstein Eivindson Høvdæ f 1733. Dei hadde: Margit 1770, Knut 1771, Kari 1773-1847-74 fekk garden, Ingerid 1777-1871-94 g 1802 m Ivar Hustad. Kari vart g 1795 m ein Ola Bjørnson, som døydde i 1843, kring 70 år gamal. Ved giftarmålet blir han skrivin Ola Bjørnson Tuv, men er ikkje nemnd der. Dei fekk ei einaste dotter: Margit 1799-1891-92, som fekk garden. Margit, einbend odelsgjente, vart g 1817 m Ola Sjugurdson Tuv 1789-1871-82. Ho var ei svær rugge til å styre og stelle og grava i hop mammon, men kvek og lett av seg, so dei kalla henne «Høna». Ola var like so iherdig på sin kant og vart kalla «Rikjingen». Då han vart so gamal at ikkje føtene vilde bera han lenger, tok han i slåtten med seg ein stol, som han sat i med han slo, fløtte stolen etter kvart og slo. So hissig var han «på verde», som dei sa. Borna til Margit og Ola: Ola 1818 d, Ola 1819-1902-83 bonde på Tuv, Sjugurd 1822-89-67 bonde i Lien og på Purkestad, Andres 1825-90-65 bonde på Øndredal, Hallstein 1828-ca 90-62 bonde på Øndredal, Nils 1831-1905-74 g 1860 m Anne Skaga frå Gol, d 1922, 88 år gamal, Trond 1834-1900-66 bonde på Nygard, Kari 1837-1919-82 g m Ola Sveinson Løkji, Margit 1840 g 1862 m Torstein Bjødnbrøta i Gol, Birgit 1843-1909-66 g m Jakob Hølle, Anne 1846 d. Andres fekk garden g 1854 m Birgit Torleivsdtr Ro d.y. frå Gol 1833-96-63: Margit 1855-1924 g m Ivar Øndredal, Ola 1856-1937 bonde på Øndredal, Torleiv 1861-7716, Liv 1864 d, Kari 1864-97-33 tviling, Ola 1866-67-1, Ola 1868-69-1, Liv 1870 g m Ola Olson Øygarde, Oline 1873-1919-46, Torleiv 1877 g m Kari Olsdtr Brenno frå Nes, dei busette seg på Nes (i Hemsedal hadde dei dottera: *Bergljot* 1903), Margit 1883 busette seg uttafør. Ola fekk garden g 1) m Kari V. Grøndale: Andres 1882-1934 bonde på Øndredal, Birgit 1885-87-2, Vilhjelm 1888-1973 handelskar, Birgit 1890-1967 g m Per Olson Fekjo. - Ola vart g 2) 1898 m Ingerid Jakobsdtr Hølle f 1872, og dei fløtte frå Øndredal til Ørjanshaugji (sjå der). Andres fekk garden g 1909 m Margit Olsdtr Grøndale 1882-1956. Etter utskiftning fløtte Andres husa lenger sørøver. Borna til Andres og Margit: Kari 1910-42 g 1930 og budde i Oslo, Ingebjørg 1912 bur i Hokksund, Ola 1914-27, Oskar 1917 Salgssjef i Oslo g 1943, Knut 1919 d, Knut 1920 pølsemakar g 1952 m Ingebjørg Hilde frå Nes, dei har bygt seg hus på Trøym (Knutingarheim 68-62), Ingerid 1924 g 1953 og bur i Valdres. I 1934 vart garden selt til fehandlar Per Fekjo 1872-1952 som i 1914 vart g m Birgit Øndredal, dei hadde før butt i Træe i Grøndale (86-5): Barbo 1915 g m Halvor O. Grøndal, dei bur på Tuv (Elvely 80-21), Kari 1916 g m Kristian Rønningen i Nittedal (har två born), Ola 1919 har garden, Oskar 1923 buss-sjåfør g m Margit O. Grøthe, dei har Kyrkjebøn (68-1), Knut 1924-63 var g m Kjellfrid Melheim frå Sogn, hadde ei gjente, Albert 1928 g m Turid Gåserud, sande, har 3 born, Ingerid 1926 g m Ottar Monsen, Hokksund, har 5 born, Solveig 1931 g m albert Øyen, Solbergelva (har ei gjente). Heile denne huslyden brukte Fekene som ættenamn. Ola Fekene overtok garden i 1950 g 1951 m Margit O. Holde f 1920: Gunn Berit 1958. Har bygt nytt bustadhus. Garden har langstøl i Bulien og heimstøl vestafor elva.

Øndredal 73-2

Gnr 73, bnr 2, lnr 636.

På Øndredal. Skriveform: Anderdal.

Den 14. april 1693 sel Eirik Monson garden søre Øndredal til Bjørn Andresson d 1732, 90 år gamal. Han var g m Margit Nilsdtr. Endre, son deira, ca 1696-1754-58 vart g m Kari Oddmundsdtr Grøndale 1701-73-72. Ved skiftet etter Endre 1754 levde desse av borna hans: Margit 22 år g m Asle Olson skulemeister (eller Asle Nilsson Hølle på Tubbun), Anne 19 år ugift (heldt til hjå broren Ingvar i 1801), Bjørn 17 år vart bonde på Øndredal, Oddmund 14 år, levde 1740-1801-61, budde på ein tå Øygardo, Ingvar 9 år, vart bonde på nordre Øygarde. Bjørn 1737-99-62 vart g 1777 m Gunhild Knutsdtr: Kari 1779-1839-60 fekk garden, Anne 1782 g 1803 m Sjugurd Mekkelson Ullsåk, Gunhild 1787, Gunhild 1789 g 1813 m Ingvar Larsson Grøv, Margit 1794 d ung. Odelsgjente Kari vart g 1) 1800 m Ola Asleson Gunhildgarde frå Ål, som døde alt i 1801. Dei fekk sonen: Asle 1801-37-36 bonde på Øndredal. - Kari vart g 2) m Asle Jakobson Imre f 1767. Dei hadde: Ola 1805 g 1840 m enkje Gunhild Aslaksdtr Bakke, Bjørn 1808-39-31 bonde i Skarsdøkken. - Kari vart g 3) 1826 m Trond Hustad, dei budde på Svøo ved Hustad. Asle fekk garden g 1825 m Sigrid Oddsdtr nordre Øndredal 1796-1888-92: Kari 1826 g 1853 m Ola Toreson Rusto d.e., dei budde på Semlebakka i Valdres, Ola 1828 g 1854 m Anne Hansdtr Trøym, dei rtA, Ola var omframnt kvek og vart kalla "Spikern», Odd 1831-33-2, Anne 1833-1912 -79 g m Ola T. Fløgo, Margit 1835-81-46 g m Ingvar Olson Hustad. - Sigrid vart g 2) 1839 m Eirik Jakobson Skar 1804-53-49: Birgit 1840-1917-77 fekk

garden. Birgit, som fekk garden, vart g 1864 m Ola Trondson Grøndale 1830-1917-87: Trond 1865 d, Trond 1866-1925 bonde på Øndredal, Eirik 1870 ikkje normal, Halvor 1873-74-1, Halvor og Ola tvilingar 1876 d, Halvor ikkje fødselsår oppskrivt d, Birgit 1879. Trond fekk garden g 1895 m Anne Endresdr Rustviken frå Nes d 1954: Ola 1896 bonde på Øndredal, Birgit 1898 g m Ingvar Flaten i Eikre. Ola fekk garden g 1922 m Anne Olsdr Nygard 1897-1969: Anne 1923 g 1960 m snikker Trygve O. Kirkebøen, Asta Toline 1925 g m Trygve Narvesen, som arbeider ved Folium fabrikkar, Hønefoss (2 born), Trond 1926 bonde på Øndredal, Ola 1928 g m Margit K. Bråten, dei bygde seg hus ved Trøym (Bergtun 75-10), Olav 1930 konstabel i Oslo g m Birgit J. Trøym, Eivind 1933-70 var bakar i sandvika, g 1958 m Grete Martinson (2 born). Trond fekk garden g 1962 m alma Danneborg: Ola 1966, Ame 1968. Ola hadde bygt fjøs på heimstølen vesta åne 1944, fjøs i Bulien 1948 og driftsbygning 1960-61. Trond bygde bustadhus 1962. Garden hadde tidlegare støl på Krøssleino, men miste denne ved utskiftningen. Har två stolar i Bulien, den eine brukte kårfolket, han vart sea burtleigd til søre Fløgo ei tid. Ola har fortalt at dei i hans ungdom slo i bakko ved Tåttenkjedno vest i fjelle. Heimstølen vesta åne var i si tid husmannsplass (bygsel setel frå 1831). Garden har hatt vanskar med å finne vatn. Fem brunnar er gravde, av dei grov Ola fire, den eine 12 meter djup i berre fjell, som han minerte med handemakt. Det slær ikkje alltid til med dei som «gå ut vatn».

Litun

Gnr 73, bnr 32. Ny bustad (utvida hytte).

Eigar: Reidar Wahl frå Oslo f 1931 g m Agnes Elisabeth frå Rømskog f 1936. Har manufakturforretning i Bankbygget. Born: Reidar 1958, Gyri 1969.

Midtre Øndredal - no ødegård Gnr 74, bnr 1, lnr 637 a.

På søre (eller nedre) Øygarde. Noverande eigar skriv seg Ødegård.

Her budde Pål og Margit (eller Marte) Bjørnsdr. Ho døydde i 1818. I skiftet etter henne den 8. november vart det registrert 1 grå hest, 7 storfe, 15 sauer og 6 geiter. Elles til deling 59 rdl. Born: Per bonde på Øndredal d 1749, 69 år gamal, Rønnaug, Bjørn, Ragnhild og Kari, ikkje fødselsår for nokon av dei. Kari vart g m Lars Gudtormsen Helling i Tørpo. Per fekk garden g m Sunnev Bjørnsdr frå Ringerike. Om dei seier kyrkjeboka berre at dei fekk sonen: Pål 1730. So blir det nemt ein Knut Person, som truleg og må vera son til Per Pålson g 1741 m Ingebjørg Persdr Støle: Margit 1741, Ragnhild 1747, Margit 1749, Per 1751, Hans 1754, Per 1757, Ragne 1758. Ovannemnde Pål Person vart g m Jartrud Torleivsdtr Hulbak f 1731. Dei budde i Venåse ei tid: Per 1755, Torleiv 1761, tvilningane Guri og Margit 1767, Helgæ ukjent fødselsår g 1788 m Jørgen i. Venåse. I 1764 har me Sjugurd Torkjellson Øygarde Øndredal frå Brandvøl f 1724 g m Guro Jehansdr: Kari 1761, Torkjell 1764, Torkjell 1766, Ola 1768. Ved folketeljinga 1801 har me Oddmund Endreson Øndredal 1740-1801-61 g 1789 m Barbo Jakobsdr Purkestad f 1754. Dei hadde sonen: Endre 1792 bonde i Endredøkken ved Skar. Deretter kjem det ein Eirik Olson g 1798 m Ingerid Olsdr: Ola 1800, Ola 1805, Ola 1806, Svein 1809 d, Svein 1810, Kari 1813. I 1798 budde Eirik og Ingerid i Grøndale, i 1800 i Eikre, og so kom dei til Øygarde Øndredal. So bur på Øygarde Herbrand Olson Ullsåk 1798-1861-63 g 2) 1859 m Guri Endresdr Sprikji f 1815. Dei var barnlause, men Guri hadde ei dotter frå før: Gunhild Ellingsdr 1843. Etter at Herbrand fall burt, styrde desse två kvinnene garden til Gunhild gifta seg i 1873 m Ola Torsteinson Øyn f 1848. Garden var noko vanstyrd, og det vart for stridsamt å vera der. I 1880 reiste heile huslyden og Guri med til Amerika. I Hemsedal hadde Ola og Gunhild: Ingebjørg 1872, Torstein 1874, Guri 1876, Guro 1879. So vart Øygarden kjøpt av Mekkel Olson Døkk f 1844 g 1877 m Kari Hansdr Purkestadhaga 1853-1901-48. Mekkel dreiv handel og reiste ofte med varelass til Drammen: Ola 1877-1959 bonde på øygarde, Hans 1880 sersjant, bonde i Rustehaugji, Anne 1882-1919-37 drukna, var ugift, Margit 1886, Ola 1888, Oline 1891, Margit 1893, Margit 1895, Maria 1898, Birgit 1901. Ola fekk garden g 1915 m Karoline Olsdr Grøndale f 1889. Han var handelskar som faren, ogso hestehandlar, ei tid kjøpmann i Drammen, parthavar i firmaet «Drammens Landmandskontor», men selde sin del til Martin Bolstad. Born: Kari 1915 handarbeidslærarinne i Oslo, Mekkel 1918 bonde på Ødegård, Ingerid 1921 sjukesyster g 1957 m ingeniør Jens Østby, Oslo (2 born). Mekkel overtok garden 1953 g 1949 m Anne Mari Nordli, Hønefoss, f 1926: Randi Kirsten 1951 g 1970 m Bjørn Terje Melgård, Oslo (1 gjente), Olav 1952, Kari Mette 1961. - Mekkel har bygt bustadhus og hytter. Er drosjeeigar. Garden har langstøl på Storeskar med jakt- og fiskerett. Ein heimstøl i Heimdale og ein vesta åne.

Midtre Øndredal - no Ødegård

Gnr 74, bnr 3, lnr 638 a.

På nordre (eller øvre) Øygarde. Skriveform: Ødegård.

Midtre Øndredal må opphavleg ha vore ein gard, som sea vart delt i två: Søre og nørdrø (eller nedre og Øvre) Øygarden. Den søre garden hadde i gamal tid langstøl på Ershøvd og den nørdrø garden på Persstølo «norda åne» (tverråne i Mørkedale). Heimstølane låg i Hølo i Heimdale. Både på heimstølen og langstølen åt søre garden gikk det jordskriu under storflaurnen «Ofsen») i 1860. Det gikk det ordet at det var fiendske menneske som vøldde ulykka. Folk trudde at dei fekk det til å gå skriu ved å renne kveksylv i jorda. Kveksylvet et seg ned til det kom på ei vassar, demde upp denne, og so gikk skriu. Det vart sagt like ut kven det var som dei mistenkte for denne ugjerningen. «På nørdrø Ødegårds heimstøl i Heimdalen, var den eneste årebu jeg har sett. Åren var midt på gulvet like inn til sengekanten. Bare nogle stener på tuften og en helle reist inn til sengekanten. (For min del såg eg årebu på Bakkevølle i Nørelin - slåttevølle - men ho var ikkje i bruk lenger då. Likeeins var det åre i bun på Vannestøle, heimstøl til nørdrø nedre Ålrust, men her var åren fløtt burt i eine rone. OR.) - Da Helgæ Ødegård var død 1875, brente ikke ilden på åren lenger. Jeg minnes den aldersstegne mø, som sat der talmodig i røyken vår og høst, sat ved åren og så ut gjennom den åpne dør utover Heimdalen. sat og så, og sat og tenkte. Så de spede spirer tyte op av jorden om våren og småløvet på buskene bli større og større for hver dag. Om høsten sat hun der og så alt bli blekere for hver dag. sat og tenkte over skuffede forhåpninger. Det var en gang i hennes liv en vårdag. En gutt, Knut Ullsaker, holdt til på Hustad. Han gikk til henne. Hun trodde, hun håpet. Men han var falsk. Han skaffet henne bare en hård barnseng og et dødfødt barn. Siden så han ikke til den kant. Rosenbuskens blomster falt av, men de skarpe torner sat att. sådan gikk ett år, to år, ti år. Da kom en annen. Samme historien om igjen. Hun døde i barnseng annen påskedag 1875» (HF). Dei fyrste som me med visse veit ha butt på nørdrø Øygarde, var Ingvar Endreson 1744-1806-62, son til Kari og Endre Øndredal. Han vart g 1779 m Sigrød Olsdtr 1753-1810-57, dotter til Ola og Guri Grøndale. Dei hadde: Endre 1780-1874-94 bonde på Øygarde, Ola 1786-1801-15, Ola 1790-1869-79 husmann på bruket Vestafør, Guri 1794-1884-90 døydde som legdslem i Myren ved Skølt. Endre fekk garden g 1) m Sigrød Tomasdtr Lien f 1789: Ingvar 1811 g 1841 m Mari Endresdtr Sprikji, dei rtA, i Hemsedal hadde dei: Sigrød 1851, Tomas 1812 g 1844 m Gunhild Hallen, Sigrød 1815 g 1848 m Ola Skar, Ola 1818-41-23, Sigrød 182156-35 g 1855 m Sjugurd Halvorson Hjelme. - Tomas og Gunhild budde fyrst innadørs på Vøllo. Gunhild var sparsom og forsiktig. Ein juleeftan skar ho or ei bal eit lite smørstykke og la på eit fæt. Tomas syntest det var for lite og skar eit stykke til. Gunhild kom i hug at jamvel jula tek ende til slutt, og sette seg til å gråte. Dei kom sea til Grønlio i Gol, og der vart dei velstandsfolk. - Endre vart g 2) 1824 m Jartrud Jørgensdtr Venåsbakko: Margit 1826 d ung, Helgæ 1831-75-44 ugift, tente hjå Jørgen, bror sin, Jørgen 1839-1923-84 fekk garden. - Endre låg lenge til sengs på slutten. Han var plaga av ein svær klåe, so han låg lange stunder og skrapa seg med ein kniv. Jørgen og Helgæ styrde garden i lang tid, og etter at Helgæ fall frå, styrde Jørgen aleine nokre år, han var ugift. I 1907 selde han garden for kr. 5000 til Tomas Olson Øygarde (Kariset) ved Tuv. Tomas 1850-1929 vart g 1887 m Ingerid Eivindsdtr Høvdæ 1864-1941: Ola 1888 lektor ved Hordnes Landsgymnas ved Kristiansand g 1919 m Gunhild Melhus frå Vest-Agder (3 born), Margit 1892 d, Eivind 1895 d, Eivind 1898 fløtte til Hemsedal Bygdaheim, Arne 1909 overtok garden 1936, er ugift. Bygde loftsbyggnad 1936. - Solveig Johannesdtr Gram frå Borgund i Lærdal kom til Hemsedal i 1943 og har tent på Øygarde sea. Garden hadde langstøl i Mørkedale, men han er ikkje i bruk lenger, dei har slutta å halde dyr. Heimstølen i Stupule nord for Høvdæ var i bruk vår og haust. Tomas Øygarde hadde ei slåtte vesta åne, men denne selde Arne til Ola Fausko.

Nørdrø Øndredal

Gnr 75, bnr 1, lnr 639 a.

På nørdrø (eller øvre) Øndredal. Vanleg skrivt Anderdal.

Den fyrste som kyrkjebøkene og pantebøkene nemner er Mons Øndredal som døydde 1711, 66 år gamal. Han hadde kjøpt garden av Helge Monsson, som venteleg må vera faren. Mons var gift tvågonger og hadde desse borna: Ørjans bonde på Øndredal, Oddmund bonde på Brandvøl, Jon bonde i Venåse, Ingebjørg, Gudtorm 1698 nemnt som bonde på Reiarsetten 1728. Det er ikkje greitt kven som kom nest deretter. Eit ektepar har butt på ein Øndredalsgard samtidig med den langt upp i åra komne Mons: Jørgen og Ingerid Øndredal. Seinare står Jon og Ingerid Øndredal nemnde, må tru om det er dei sama? Dei hadde: Vebjørn 1703, Ragnhild 1704, Tomas 1705, Olaug 1707, Sigrød 1709, Ola 1710. Seinare budde på eit Øndredal Hans Embrikson Torset f i Boyesentida, g 1750 m Margit Torleivsdtr. Kring 1750 fløtte dei til Lien: Embrik 1750-75-25, han var soldat og vart då slegen av Ola Eivindson Solheim frå Hol den 4. januar 1775 so han døydde av det 13. mars, Torleiv 1752, Torleiv 1754, Halvor 1756, Ola 1764, Herbrand 1769. Heilt sikkert er det at Odd Trondson Grøndale 1756-1830-74 g 1781 m Anne Herbrandsdtr Torset 1758-1830-72 budde på nørdrø Øndredal. Dei hadde: Trond 1785-1856-71 bonde på Grønskogji ved Kyrkjebøn, Sigrød 1788, Anne 1790, Margit 1793-1858-65 g 1815 m Torgeir Krokji, Sigrød 1796-1888-92 g m Asle Olson øndredal, tvilingane Ingebjørg

og Gunhild 1799 d, Herbrand 1802-03-1. Ingen av borna vart verande på garden, som vart selt til Per Tomasson Viljugreinsøyn 1789-1851-62 g 1823 m Kari Persdtr Hølle f 1804: Margit 1828, Liv 1832 g 1856 ni Knut Døkk på Hjelme, dei rtA, Per 1836, Anue 1840, Tomas 1844 d, Knut 1844 tving. - Per og Kari samdest ikkje i ekteskapet. «Uvenskap hørte til dagens orden og uorden. Og som det oftast går i trette mellom mann og kone, trakk mannen det korteste strå. Hun høvlet ham overlegent med kjeften. Og barna tok morens parti. Stakkars Per ble alene. Han var husets hoggestabbe. En av de ulykkeligste her i bygden, jeg har hørt tale om. De bante og skjente. Tilslutt fikk han dø fra dem. Ti år senere reiste hele bålet til Amerika. Det er mor og Gamle-Eivind som har fortalt mig om livet i den heimen, så jeg vet det er sant» (HF). Heller ingen av den huslyden vart verande på garden, som vart kjøpt av Hallstein søre Øndredal 1828-ca 90-62 g 1858 m Sigrid Trandsdtr Graset f 1836: Ola 1859, Trond 1861, Margit 1863, Guro 1864, Kari 1867, Oline 1869. Ogso denne huslyden - den tredje - fløtte frå garden. Hallstein kjøpte Uppheim i Valdres av Oddmund Klante, som rtA. Hallstein skaffa til Hemsedal ei mengd med grisungar i 1880-åra. Sonen Ola g 1893 m Kari Trondsdr Graset overtok garden, men han døydde tidleg, og garden vart selt til Ivar Eirikson Lien på Purkestad 1841-1907-66 g 1) 1875 m Margit Andresdtr Øndredal 1855-79-24: Eirik 1875-1957 bonde på Øndredal, Birgit 1877 g 1907 m enkjemann Jon Skøyte, Margit 1879. Ivar vart g 2) 1889 m enkje Birgit Ingvarsdtr Hustad: Ingvar 1890-1918-28 døydde i spanskesjuka, Margit 1892. Eirik fekk garden g 1910 m Kari Kammerud 1886-1925, dotter av Knut Lykkjehaga g m Kari Høllebakka 1882. Dei hadde ein son: Ivar 1911-39. I 1942 vart garden selt til Ole Langehaugen frå Gol f 1908 g 1936 m Birgit Bråten i Skøyte. Dei hadde før hatt Skøyten i Lio (89-8). Far til Birgit, Jann Olsen Bråten 1869-1937 var nemleg g m Birgit Øndredal 1877-1954. Dei hadde Skøyten ei tid, men bygde så åt seg ned i øyn i 1924. Då dei fall burt, overtok Ole Langehaugen dette stedet og. Han har bygt driftsbygning og bustadhus i Øyn. Borna til Ole og Birgit: Jonn 1936 sjømann, maskinist, Inga 1939 g 1962 m Svein O. Kirkebøen, Thorstein 1943 arbeider i Oslo, Margit Borgny 1945 g 1971 m Bjarne Hansen, dei er reist til Australia, han er skipsteiknar og ho er barnepleierske (1 barn), Ollbjørg 1947 g 1972 m Hilmar Kirkedelen i Ål (1 barn), Engebret 1948 arbeider på bilverkstad. Garden har langstøl på Ershøvd, der dei bygde nytt fjøs 1970. Har ogso bygt seg ny støl i Heimdale, dei fløtte han frå Fuglehaugji nemmare riksvegen. Der er dei vår og haust.

Ørjanshaugen

Gnr 75, bnr 2, lnr 639 b. På Ørjanshaugji.

Her budde Ørjans Monsson Øndredal d 1744, 63 år gamal. Han vart g 1) m Sigrid Jakobsdtr: Sunnev 1710-46-36 g 1746 m Sjugurd Reiarstletten. - G 2) m Kari Knutsdtr Viljugrein: Mons 1729. På skiftet etter Ørjans på Grimsgard (Nes) 22-10-1744 vart det registrert: 2 kyr, 1 kvige, 2 kalvar, 7 vaksne sauer og 4 lamb. Så er det ein huslyd Ørjans Ørjansson, som venteleg må vera son til ovannemnde Ørjans, g 1745 m Jørønd Persdtr Støle: Per 1745-1815-70 g 1789, budde på Løvehaugji og i Presthaugji, Ørjans 1749 (som d før 1796, hadde 2 born: Ørjans 1782, Margit 1784), Kari 1752, Margit 1755 (g m Svein Døkk), Sigrid 1758 (med dotter: Anne Torleivsdtr 1785) g 1790 m Svein Purkestad i Døkk, Oddmnd 1761 som døydde utanfor bygda, truleg i fengsel, Gudtorm 1764, Anne 1767. - Nokre av huslyden, deriblant Oddmund, budde i Døkk, eit bruk nord for Lauvset i Lio (79-5), som seinare vart heimstøl til nørde Hustad. Oddmund (i malføret: Ømmun) vart kalla Jørønd-Ømmun etter mor si, men var betre kjend under namnet *Tjuveømmun*. Han var ein stort juv som det gikk gjetord om lenge. Han dreiv handteringa si i mange bygder, visstnok mest i Valdres. På ei reise i Valdres hadde han med seg ein hemsedøl dei kalla Skøyte-Nils. Det gikk det ordet at når dei stelte seg til å stela ein stad, var det i følge med dei ein svart hund med eit lys i rovdun, så dei såg å stela, men hunden var ikkje å sjå anna enn når det var mørkt. Det var altso den vonde sjøl. I ljøsken frå lyset sag dei ein stad at det heng mykje kleu. ømmun sopte med så mykje som han og Nils kunna bera. Eingong var det ein flokk valdresa som sette etter dei, men tjuveraddane gøymde seg i ei hule på Valdresåse til folk hadde fare til bygdars att. Det vart sagt at under Rauberg i Ålrustmørken hadde dei gøymt ein stor kaparkjel med pengar. Ømmun skal ha sagt det sjøl at i den kjelen var det pengar for meir enn nokon gard i Hemsedal var verd. Det skal ha lyst der jonsoknatta. Ømmun vart til slutt dømd og sett i slaveri på Akershus festning. Knut Embrikson Uppistugun på Torset hadde sett ømmun der då han sto vakt som soldat. Han var bunden med ei jødnlekkje til ein trestabbe, som han bar med seg. Det var omkring 1805. Ørjanshaugen låg lenge som eit øydebruk under Øndredal til Ola Andresson søre Øndredal bygde bruket upp att kring 1900 og busette seg der med huslyden sin. Ola 1856-1937 vart g 1898 m Ingerid Jakobsdtr Hølle 1871-1963: Jakob 1898 ugift, bonde på garden, Ola 1906 g 1942 m Kari Skogheim frå Gol f 1918. Dei har bygt hus åt seg på Øndredal. Han arbeider på meieriet. Born: Ingrid Synnøve 1943 g 1968 m Arne Bredesen frå Gol, dei bur i Oslo (2 born), Olaus 1944 hjelpepleierske g 1971 m Øistein Olsen, Oslo, Odd Harald 1949 skal overta garden etter Jakob, farbror sin. - Jakob bygde nye uthus i 1955. Fekk ny veg til langstølen i Bulien 1970 og ny veg til heimstølen burtafor Heimsil. I gamal tid hadde Ørjanshaugen langstøl på Ershøvd, men han er nedlagd for lenge sea, oppdelt og lagt til andre stolar. Heimstølen var på Fuglehaugji i Heimdale.

Nordre Øyne

Gnr 75, bnr 5. I nordre øyn.

Her budde Asle Endreson Sprikji 1808-87-79 g 1843 m Liv Torleivsdtr øyn under Viljugrein 1809-1901-92: Ingerid 1843-1922-79 ugift (hadde dottera Liv Olsdtr 1867 g 1911 m Ola Ringsakerbrøta, ho hadde før ekteskapet ei dotter: *Ingerid* Olsdtr 1897 som 1919 vart g m Ola Storeskar i Skøltebakka), Gunhild 1845-1930 g 1889 m Endre søre øyn 1854-1929 (hadde før ekteskapet sonen: *Ingvar* Embrikson 1875-1959 som vart bonde på søre Venåsbakka), Iugebjørg 1848 g 1884 m Torleiv Halvorson Brenno i Gol (Torleiv klauv over ein skigard og hoppa ned og døydde med det sama), Anne 1854-1938-88 døydde uttafør (hadde døtrene: *Anne* Knutsdtr 1877, Liv Olsdtr 1891). Gunhild og Endre kjøpte nordre Øyne og busette seg *der*. Dei hadde sonen: Sjugurd 1887 vegvaktar *for* strekningen Trøym-Tuv. Ingvar Øyn vart g 1915 m Olaug Støyte 1881-1955. Dei busette seg i Øyn etter at dei hadde hatt søre Venåsbakka nokre år. Born: Torleiv 1916-40 døydde ved ei sprengningsulykke i Hølleskaret under arbeid med ny veg, Endre 1918-39 døydde av heteslag under utmarsj på Hvalsmoen, Sigrid 1925-74 g m Frits Eriksen, Hønefoss (2 born). Dei vart eigarar av nordre Øyn, men budde ikkje *der*.

Søre Øyne

Bruk under Øndredal. I søre øyn.

I 1841 døydde det ei Kari Sjugurdsdtr øyn, 47 år gamal. Ho var dotter til Sjugurd Person Venåse og Guri Sveinsdtr. Kari fekk fire søner utafør ekteskap: *Ola* 1815-67-52, son til *Per* Viljugrein, budde på Bergji ved Hustad, *Sjugurd* 1819, son til Jakob Mekkelson Gardnøs, Nes, d ung, *Sjugurd* 1821-1903-82, son til Embrik Hjelme, *Per* 1827, son til Per T. Jordheim. Per vart g 1848 m Anne Helgesdtr Fauskemoe f 1821. (I ei gamal søgn blir Kari Øyn kalla Kari Øndredalsmoe, sjå «Hemsedal» s. 160/170.) Då Per vart vaksen, var han ei tid gjætar for reinskompaniet i Hemsedal, og gjætte då i fjella nord for Grøndale burtimot Nystugun på Filefjell. Der vart han kjend med Knut og Kari Nystugun, og dei lånte han pengar til å kjøpe den eine av Hermundstad-gardane i Vang i Valdres, og så fløtte han dit. - I Hemsedal hadde Per og Anne: *Per* 1848, *Helge* 1850, *Per* 1852. Sjugurd vart bonde i Øyn g 1855 m Kari Endresdtr Sprikji 1819-83-64: Endre 1854 bonde i søre Øyn, Kari 1854 tviling d. «Sjugurd var kjent bygden over som en humorist, men meget av hans humor og vittigheter var ikke litterære. Den tid var både søndre og nordre Øyne bygsel bruk. Småbruk. Sveg å bære i, kjelke og drag kjerre å dra på, det var småbrukenes hester den gang. Jeg minnes så godt fra barneårene at mandag i syvende vikun efter jonsok drog 3 par fra heim-i-bygden til Heimdalen for å onne. «Fore», sa de. Det var Sjugurd og Kari Øyn, Torleiv og Sigrid Haugo, Hans og Jartrud Haga. Hvert par hadde sin dragkjerre. På den hadde de lesset sin dont for et par uker i slåtten: ljà, ørv, grasskyru, stronk, bryne, river, teine. Og mjøl, salt, smør, ost, prim, mjølk, kaffe, kaffekjel. Og grytu, turu, fát, ske, kniv, fyrstikker, sengklær. Og kona hadde en helgedagstrøye og stakk med sig. De skal jo likesom helge sig litt de da, de er jo det smukke kjønn, som karmænnene er det sterke kjønn. Mannen drog, kona skuvde. Sålunde utrustet drog de tre par til Heimdalen, hvor de særlig i Fuglehaugbakkene onnet. Mannen slag finn topp, kona skar gras med skyrun. Var det tørrveir, var det «hardbeitt» dvs. finntoppen var bustet og stiv å slå. Derfor ønsket de så gjerne regn, så de kunde få «døgg» å slå i, da blev det «lausbeitt» å slå» (HF).

Pytten

Bygselbruk under Øndredal 73. I Pytte.

Her budde Trond og Barbo Eikro frå Lio (sjå der). Eigar no er Tollef ødegård (*Nymoen* 92-5).

Vestafør

Bygselbruk vesta åne.

Her budde veteranen Ola Ingvarson Øndredal 1790-1869-79 g 1816 m Margit Helgesdtr Jordheim 1786-1852-66: Sigrid 1818-99-81 g m Ola Myren ved Skølt, Ingvar 1821-30-9, Ingerid 1829-1921-92 g m Nils Knutson Båste, dei overtok bruket Vestafør. Ola Ingvarson vart alltid kalla «Vestmann», og døtrene vart kalla Vestmanns-Sigrid og Vestmanns-Ingerid. Det vart fortalt at Ola var så annsam den siste dagen han levde. Han skulde gjera alt som var. Men om natta døydde han. - Noko liknande blir fortalt om mange. Ingerid og Nils Båste 1830-ca 1860-30 hadde sonen: Knut 1859-1918-59, han budde i Myren ved Skølt. Kven som budde på det nedlagde bruket *Skrukka*, er ukjent.

Andre huslydar i Øndredalsgrenden:

1. Tore Person g 1752 m Guro Tomasdr Øndredal.

2. Soldat Sjugurd Nilsson (frå Hølle) g 1771 m Birgit Knutsdr 1749-1820-71. Ho var ifrå Lien, men vart skrivin for Øndredal då ho gifta seg. I 1776 er Sjugurd og Birgit skrivne for Lien, i 1794 for Venåsbakka, venteleg nørde Venåsbakka. Der døydde Birgit. Dei hadde: Jartrud 1772 d før 1796, Nils 1774, Knut 1776, Ola 1787-1864-77 bonde i nørde Venåsbakka, Sjugurd 1791-1878-87 veteran frå krigen, budde i Bakka ved Skøyte, vart g m enkje Kristi Skøyte og busette seg der. Var den sterkaste mannen i Hemsedal i si tid (sjå «Hemsedal» s. 154/163). 3. I 1786 blir det gift eit par: Eivind Øndredal og Velgjerd. Dei hadde ei dotter: Margit 1886. Meir er ikkje nemnt om dei.

Andre døde på Øndredal: Olaug Øndredal 1705, 74 år gamal. Knut Øndredals kvinne 1762. Guri Øndredal 1766, 15 år. Barbo Sjugurdsdr 1768, 89 år. Jartrud Mekkelsdr 1768, 54 år. Gutebarn på øndredal 1771. Gjentebarn på Øndredal 1777. Margit Øndredal 1785, 11 år. Halvor Elvindsan 1809, 78 år. Barn: Henrik O. Øndredal 1803. Fattiglem Hans Olson 1830, 73 år. Tilhaldar Margit Olsdr 1841, 40 år. Frilleson Andres Andreasson druknar 1847, 5 år gamal, var son til Andreas Andreassem frå Sogn og Anne Persdr Fausko (som ogso hadde ei dotter Sunnev Knutsdr f 1827). Legdslem Sigrid Halvorsdr Hustad 1833, 80 år.

Purkestad - no Sjøstad

Gnr 76, bnr 1,2, Inr 641.

På Purkestad. Frå 1946 Sjøstad.

I eldre tid var det två *Purkestad-gardar*, dessutan *Purkestadhauga*, *Purkestadhagjin*, *Resa* og så det nyare *Nyheim*. Skattematrikkelen for 1647 nemner berre eit Purkestad (halvgard) med *Haluar Purehestad* som eigar. Han åtte sjøl 6 løbel i garden med bygsel, medan Torsten og Rasmus Quale i Valdres åtte 6 løbel. Manntalet for 1664-66 fører upp ein *Halluar Purkestad*, 70 år gamal, sonen *Halluar* som er soldat, 24 år gamal, og husmannen *Tasten* 80 år gamal. Den 29-5-1713 var det skifte etter «den Salige Dannekvinde» Birgit Bjørnsdr til deling mellom mannen Jakob Halvorson og borna: Halvor 1680-1712-32, Margit ukjent fødselsar g m Per Støle, Sigrid ukjent fødselsar, Bjørn 1688-1726-38 bonde på Purkestad, Anfin 1694-1726-32. Bjørn vart ved garden g m Margit Sveinsdr som døydde i 1752. Dei hadde: Svein ukjent fødselsar d 1745, Birgit ukjent fødselsar g m Ola Olson Olsgard i Gol, Jakob 1722-73-51 bonde på Purkestad, Margit 1724 (g 1751 m Trond Hulbak), Barbo 1726 døydde ung. - Då Bjørn var død, vart Margit g 2) m ein Knut Knutson, som døydde 1768, 70 år gamal. Dei hadde: Knut 1729, Barbo 1734-54-20 g 1751 m Eivind Grøndale. - Då Margit fall burt, vart Knut g att m ei Turid Aslesdr. Jakob fekk garden g 1748 m Jartrud Knutsdr Grøndale f 1724: Bjørn 1749-1812-63 bonde på Purkestad, Svein 1751-1811-60 bonde på Ørjanshaugji og i Døkk, Barbo 1754 d, Barbo 1755 g 1789 m Oddmund Øygard e, Knut 1758, Halvor 1762 d ung, Halvor 1765-85-20. Bjørn fekk garden g 1775 m Liv Herbrandsdr Torset 1751-1828-77: Jakob 1776-77-1, Svein 1776 tviling, Anne 1778 kom til Sunnfjord og vart buande der, Jartrud 1780-1863-83 g kring 1806 m Håkon Bergo, Jakob 1784 for til Bergen og vart laggar der, vart kalla «Små-Jakob», Margit 1789-1815-26 døydde i kregdun, Herbrand 1792-1851-59 bonde i Purkestadhaugo. Garden kom no ut or ætten. Jakob reiste til Bergen og Herbrand åt Haugo. Ola Olson Ullsåk (62-13) og kone Ågot Herbrandsdr kom so til Purkestad og vart buande der nokre år, frå då vart Ola kalla «Purken». Så vart garden selt til Eivind Torsteinson Eikre 1788-1868-80 g 1816 m Guro Halvorsdr Løkji 1794-ca 1830-36: Anne 1816 d, Anne 1817 d, Anne 1818-51-33 ikkje heilt normal (hadde ein son: *Halvar* Torleivson 1851-ca 82-31 rtA og vart der drepen av Per Sveinson Skøltebakka), Torstein 1820-74-54 bonde på Øyn ved Viljugrein. - Eivind vart g 2) 1834 m Birgit Torleivsdtr Sjøheim: Ola 1835, Guro 1836-1922-86 g m Knut Torset i Lien, Olaug 1839 d, Olaug 1840-41-1, Olaug 1842 rtA og vart der g m Ola Løvehaugji d.e., Ingebjørg 1844, Birgit 1846, Rangdi 1850, Anne 1853, Torleiv 1857. - Eivind, som dei alltid kalla Purkestan, var ein stor og sterk kar. På hans tid var Sjugurd Sjugurdson Venåsbakka rekna for å vera den sterkaste mannen i Hemsedal. Eivind hadde sagt at han skulde ha hug til å dragast med Sjugurd. Dette hadde han Sjugurd fått høyre og drog så til Purkestad for å dragast med Eivind. Eivind skjønnte kva for ærend han kom i, og angra vel på det han hadde sagt. Var blid og ty mot Sjugurd, tok fram ein buttel or skåpet og skjenkte ein dram. Sjugurd drakk, og Eivind skjenkte i ein dram til. Sjugurd tok den med, men no var han so sinna at han beit sundt glasets. So gav han på Eivind, braut han overende og knegjikk han slik at han hadde minnels av det i lang tid. - Eivind var pratug ved alle og hadde ei medfødd evne til å vera frampå i lyd og lag, ein framme mann i bygden. Han makaskifta gardar med Sjugurd Øndredal i søre Lien og kom so dit. Sjugurd Olson Øndredal (73-1) vart g 1843 m enkje Birgit Ivarsdr Lien 18201911-91. Dei hadde fem born i Lien og 6 på Purkestad: Ola 1844-69-25, Margit

1845-1927 fekk garden, Eirik 1848-57-9, Ingerid 1849 g m Ola Fekjo i Purkestadhaugo, Kari 1852-55-3, Anne 1854 fekk nedre Purkestad, Eirik 1857 d, Kari 1858-59-1, Kari 1860-78-18, Birgit 1863 g m Ola Lykkjehaga, Eirik 1865 bygde på Moe, Tuvsbakka. - Ola var sjukleg og lite arbeidsfør. I juli 1869 var han på veg til Lærdalsøyri etter lass, men vart sjuk på vegen nedover dalen. Hjå Ove Mid-Ljøsno igdest han og døydde två dagar etterpå. Em av husmennane til Ove kom åt Mørkedale og melde om dødsfallet, og Ovas halvbror Ivar reiste og henta den avlidne. Dagane hadde falle tunge for Ola. Dei herma etter han at han om kvelden kunna sea: «No ha me starva over denne dagen med!» Men så fekk han tidleg gå til kvile. - Sjugurd, far hans, var ein hendig mann, dyktig smed og ganske flink snikker, men han burde kan hende ha brukt meir tid på gardsbruket. Han var ei tid mykje søkt som augedoktor. Han døydde av kreft i munnen. Sjugurd delte garden mellom dei två døtrene sine, Margit og Anne. Margit fekk hovudbølet (seinare matrikulert som 76-2)

og Anne den nye garden (Purkestad 76-1). Margit vart g 1877 m Tor Hansson Flaten frå Lio 1839-1922-82. Etter 9 års ekteskap fekk dei si einaste dotter: Birgit 1886-1966, og ho fekk garden. Birgit vart g 1905 m Asle Olson Fløgo 1866-1937, og dei overtok garden: Margit 1907 g 1931 m Halvor Mythe, Ola 1911 d, Anne 1914 d, Ola 1916 bonde på Purkestad, Tomas 1919 elektrikar, g 1956 m Johanne Rønnøi frå Sogn, dei bur i Hardanger, Anne 1922 g 1943 m Hans Aas, dei bur på Rjukan (har 4 born), Sigrid 1925 g 1950 m Knut Stende, pleiar på Dikemark sjukehus (två born). Ola overtok garden 1947 g 1943 m Birgit O. Lien. Har bygt nye uthus 1961 og stølsbu i Heimdale 1953. Born: Arvid 1944, Solfrid 1951 (med son: *Bjørn* 1968), g 1971 m Simen Aamot, ho er hjelpepleierske (dei har ein gut), Olav 1956. Arvid vart g 1965 m Marit Aslaug Eldegard frå Årdal f 1946. Dei har bygt bustadhus åt seg på Sjøstad. Born: Odd Arild 1966, Marianne 1967, Venche Irene 1971. -. Har langstøl på austsida av Storeskarvatne og heimstøl i Heimdale. Ein hauststøl burta åne er ikkje lenger i bruk.

Nedre Purkestad

Gnr 76, bnr 1, inr 641. På nedre Purkestad.

Då Purkestad vart delt, fekk Anne Sjugurdsdtr 1854-1926 den nye garden, nedre Purkestad, dei kalla. Ho vart g 1884 m Nils Lykkjehaga 1860-1928: Liv 1884-1967, Birgit 1886 g 1914 m Ola Ostmundset frå Ål, dei busette seg i Strømsgodset, Drammen, Nils 1889-1966 bonde på Purkestad, Ingerid 1889 tviling d, Ola 1891-1966, Ingerid 1894 g m Nils Nilsson Storeskar, budde som tilhaldarar på Purkestad (sjå Storeskar 88-8). Nils fekk garden g 1914 m Karoline Olsdtr Rese 1893-1973: Nils 1915 d, Anne 1915 tviling g m Svein Buajordet i Valdres, Karen 1919-21, Nils 1921, Oskar 1932 (sjå Nils tad 76-14). Då Nils Lykkjehaga overlet garden til sonen Nils, heldt han att eit stykke som ligg mellom elva og riksvegen eg kalla det «*Strand*». Bygde hus her og dreiv Strand samen med sonen Ola, som overtok bruket etter faren i 1928. Ola kalla seg heretter Ola Strand. Nils fekk garden g 1945 m Randi Bakken f 1924. Dei fekk i 1954 løyve til å bruke *Nilstad* som ættenamn. Born: Noralv Frank 1953, Kjell Magne 1960. - Nils Nilstad kjøpte i 1962 *Strand* (76-10) av Ola, farbror sin.

Nilstad

Gnr 76, bnr 14. Ny bustad.

Oskar Nilstad bygde åt seg her 1966 på parsell utskild frå nedre Purkestad. Han vart g 1957 m Inga Kristine Helgesen f 1938. Born: Ann-Karin 1958, Geir Ole 1959, Ståle 1966. Oskar er bilreparatør og sjåfør og arbeider hjå A/L Hemsedalbilane.

Purkestadhaugo

Gnr 76, bnr 6, Inr 642. Vanleg kalla Haugo.

Det er nemnt eit par: Ola Hansson Purkestad d 1777, 54 år gamal. Han vart g 1768 m Guri Olsdtr. Meir står det ikkje om dei i kyrkjebøkene. I 1801 bur det på Purkestad ein Ola Herbrandson g m Margit Palsdtr. Dei må ha butt i Haugo. Sjø meir om dei under Steinteigji og Tubun. Så har me Herbrand Bjørnson Purkestad 1792-1851-59 g 1818 m Margit Bjørnsdtr Resa 1796-1847-51. Dei hadde: Bjørn d.e. 1818-98-80 bonde i Sjøheim og fleire stader, Bjørn d.y. 1821-74-53 bonde i Sjøheim og fleire stader, Liv 1823, Jakob 1826-ca 1900-74 bonde i Skarshaugo, Mari 1829, Margit 1834 fløtte til Røyken 1855, Gunvor 1836 ugift (hadde sonen: *Herbrand* Nilsson 1867 d), Eivind 1840. - Både den eldre og den yngre Bjørn budde fleire stader: Haugo, Bergo, Stølen og Sjøheim (sjå der). Så budde i Haugo Torleiv Olson Skeie 1823-1904-81 g 1856 m Sigrid Vilhjeldsdtr Støyte 1820-1908-88. Dei var barnlause. På sine gamle dagar budde dei hjå Vilhjelm Brandvøl, systerson til Sigrid. Dei var strevsomme folk, som onna bruket sitt aleine. Kyrne sine hadde dei om somrane sett burt «før sagt» (etter avtale) som vaktefe, dei kalla. Dei levde eit hyggeleg samliv, endå dei sat i småe kår. «Men de

var lykkelige, fordi de var fornøiet. Det stadfestet det ord, at lykke består ikke i overflod, men i det å være fornøiet. En kunde lese det på Torleivs ansikt. Et så fledfullt og fornøiet uttrykk har jeg yderst sjelden sett. Det var som et fint maleri. Foruten Torleiv Haugo har jeg i samme måte merket mig Guri Resa, Mekkel Lauvset, Liv i odøkk. Ansiktet er sjelens speil. Det står i rapport med sjelens tilstand, tankelivet. Disse mennesker tenkte sundt og lyst. Det stakk ut fra det almindelige, likegyldige, uglade, kalde, hårde, lettsindige, ja overlegne, som kan leses ihopens henholdsvis «fjæs» (HF). Etter dei budde i Haugo Ola Knutson Fekjo 1835-1904-69, Melongen dei kalla, g 1889 m Ingerid Sjugurdsdr Purkestad. Dei var barnlause. Deretter kom Knut Olson Snikkerbrøta d.y. 1860-1905-45 (sjå 67-8) g 1896 m Guri Olsdr Skøyte f 1783: Ola 1896, Guri 1898, Margit 1900 g 1925 m Ola J. Døkk (ho badde før ekteskapet ei dotter: *Karoline* 1922 g m Anker Svensen Ekelund, Røyken). Sjå elles Liheim 89-4. I 1915 vart eigedomen kjøpt av lærar Otto Johannessen Sletten 1872-1964 frå Åsnes i Solør og blir so kalla: **HAUGO** Sletten tok eksamen ved Hamar lærarskule 1893, var lærar i Åsnes 2 år, deretter i Fjågesund krins, Kviteseid, og kom so til Hemsedal i 1898 og var lærar ved Tuv og Grøndalen skulekrinsar til han slutta ved oppnådd aldersgrense 1937. Var ogso organist i Hemsedal kyrkje i 16 år, den fyrste i Hemsedal. I 1928 fekk kyrkja nytt orgel. D.v.s. kommunen kjøpte eit orgel som Musikkonservatoriet i Oslo skulde skifte *ut*, og det gamle orgelet vart overteke av Trøym skule. Lærar Herbjørn Brekke tok då over som organist. Sletten starta og var formann for Hemsedal sykepleieforening i mange år, like eins styrde han med kvinneforeninga i omlag 35 år som arbeidde for Det norske Misjonsselskap, hadde årvisse basarar til inntekt for dette. Var med og starta samhald ungdomslag og Buskerud fylkeslag og tok mykje del i fråhaldsarbeidet. Var i mange år formann i Hemsedal lærarlag. I lang tid kjømeister i gravøl (han prøvde eingong å rekne ut kor mange og kom til at det måtte ha vore over 100). Var sterkt religiøs, men ikkje pietist. Var fråhaldsmann all sin dag. Hadde lyst humør, var glad og nøgd, ein ukueleg optimist heilt til det siste. Hadde god helse, skofta ikkje skulen ein einaste dag på grunn av sjukdom. Hadde god songrøyst og likte å syngje gamle viser, som han kunna mange av. Hadde lett for å koma i kontakt med folk, likte å røda med dei og var ofte på vitjing i heimane. Som lærar var han ein av dei beste i si tid. - Vart g 1905 m Birgit Olsdr Rese 1881-1974. Dei budde nokre år i skulehuset på Tuv, men kjøpte so Haugo og bygde nytt der (men skreiv seg Sletten). - Veslegjerde nord for Liostøle var langstøl til Haugo, men denne stølen vart kjøpt av Flaten i Lio. Sletten fekk seg so støl på Ershøvd - Rundegjerde - som før høyrde søre Venåsbakko til. Kjøpte seinare heimstøl i Heimdale, stølane til Hans og Embrik Lien. Dyrka upp det som kunne dyrkast både heime og i Heimdale.

Borna til Otto og Birgit: Johannes 1906 g 1936 m Karen Pedersdr Kalfoss frå Åsnes, Oline 1908 g 1932 m Halvor Wøllo, har no Haugo, Karen 1911 g m Olav Ransedokken frå Gol, dei bur i Hemsedal (Heimsil 66-17), har 2 gjenter, Olav 1913 g 1944 m Olaug Dokk Bjøberg (sjå Heimtun 80-22), Ragna Kristine 1916 g 1947 m lektor Kristen Svarteberg i Gol, har 2 gutar, Gunnar 1919 g 1961 m Kari Oddveig Sylte, bur i Oslo, har 2 gjenter, Knut Wendelbo 1921 ugift, lærar i Sarpsborg, Astrid Jørgine 1925-27. Johannes var bonde i Haugo 1936-48. Selde då garden til Oline og Halvor Wøllo, fløtte til Åsnes og kjøpte seg gard der. Born: Steinar 1937, Kaja Borgny 1939, Astrid 1948. Oline og Halvor Wøllo kjøpte Haugo i 1948. Born: Magnhild 1933 g m Kåre Pettersen, bur i Oslo, Astrid 1938 g m Gunnar Sangolt, bur i Lier, Jon Otto 1944 ugift bur i Oslo.

Nyheim

Gnr 76, bnr 7. Nyare bustad.

Enkjemann skomakar Ola Ellingson Ringsakerbrøta frå Nørdre Aurdal 1873-1956 g 1911 m Liv Olsdr nørdre øyn 1866-1940 bygde åt seg her. I fyrste ekteskapet hadde Ola ein son: Elling som vart med far sin til Hemsedal og døydde her 14 år gamal i 1914. Ola og Liv hadde: Margit 1911-13-2. **Ola** vart g for 3. gong 1944 m **Kristi Hallen** 1883-1963. Ola Ringsaker, som han skreiv seg, tok til seg dottersonen sin Jørgen f 1917, som då berre var halvtanna år gamal. Mora var då død. Jørgen budde samen med bestefar sin til 1954, då bygde han seg ei stugu på ei tomt litegrand lenger sør som var komen undå nørdre (øvre) Øndredal: *Evjestad*. Nyheim er no selt til ein bymann og blir brukt som feriestad.

Reso

Pli Resa.

Nedlagt bygselbruk under Purkestad.

Her budde Bjørn Eivindson Høvdæ 1751-1819-68 g m Mari Jørgensdr Venåsbakko f 1755 som før hadde vore g m Per Torleivson Kariset. Bjørn og Mari hadde: Eivind 1791-1861-70 budde på Reso, men døydde i Venåse, Per 1794, Margit 1796-1847-51 g 1818 m Herbrand Purkestadhaugo. Eivind vart g m Guri Aslesdr frå Ål, som døydde i 1885. Dei hadde: Mari 1818-1904-86 g m Knut Huso og so med Jørgen Bakko, Gunvor 1824 vart g til Vats i Ål 1853, Birgit 1826 fløtte i 1849 til Lier, Margit 1828-

1904-76 g m Gudleik Bergstøl, Bjørn 1835 bonde på Storeskar og i Venåse og Sjøheim, Kari ukjent fødselsår, fløtte 1859 til Blaker (hadde ein son: *Eivind* 1854 med Adam Hansen frå Røyken). - Guri, som dei kalla Gamle-Guri på hennar gamle dagar, hadde ilt i meermen og gikk med krykkjer dei siste 20 åra ho levde, men var alltid bli og gladværug. Ho budde hjå Bjørn, son sin, fyrst i Storeskar og so i Sjøheim, der ho døydde. «Når jeg som smågutt var på stølen, gikk jeg ofte om søndagene til Storeskar for å læse «almuevennen». Guri sat og leste høit av Linderots huspostill. Jeg har minnest så godt søndag 17. august 1873, 10. søndag efter trefoldighet: Jesus gråter over Jerusalem. Hun gråter, han trøster. Den aldersstegne kvinnen, en kors drager, leser om Jesu gråt over Jerusalem. Det kunde snart været en av hennes siste dager, som det var en av hans siste dager. Det var min siste søndag på stølen det år. For mitt barnlige sinn syntes det mig en vemodig samklang i dette. Derfor var det stunden ristet runer uutslettelig» (HF). Dottera Mari vart g 1) m Knut Olson 1796-1848-52, son av Ola Halvorson Hustad, bonde i Sjøheim og Huso (sjå Hustad 79-2) g m Margit Eivindsdtr Grøndale. Knut hadde gått underoffisersskulen. Han og Mari hadde: Margit 1838 fløtte i 1860 til Lier, Ola 1842-1920-78 gikk underoffisersskulen, budde i Venåse, Guri 1846. Knut døydde av eit spenn han fekk av ein hest. - Mari vart so g att 2) m Jørgen søre Venåsbakko (sjå der).

Purkestadhagjin

i Purkestadhaga.

Nedlagt bygselbruk under Purkestad.

Dette bruket, som låg sør i Hustad-haga, bygde Hans Olson Venåse frå Løvehaugji 1811-97-86 g m Jartrud Jonsdtr Træe i Grøndale 1822-1912-90: Ola 1849 rtA, Margit 1850 g 1876 m Ola Rustehaugji d.e., Kari 1853-1901-48 g 1877 m Mekkel øygarde, Sunnev 1856 d, Trond 1856 tviling g 1881 m Barbo Jegerhaugji, Sunnev 1863-1919-56 g m Eirik Bjøbergo, Barbo 1864 d, Endre 1868 rtA. Trond og Barbo budde i Haga ei tid, men reiste so til Amerika. I Hemsedal hadde dei: Hans 1880, Barbo 1882, Sjugurd 1884. Det blir fortalt at det her i Haga budde ein stort juv dei kalla «*Kjerven*» (KOG), og ho gom mo fortalde at ekteparet «*Kjerven*» og «*Kjerva*» kom seg inn i eit stabbur pil Tørsetsiun ei julenatt og stal matvarer (OR). Son til *Kjerven* kalla dei *LambeHans*.

Elvely

Gnr 76, bnr 11. Nyare bustad.

Sjugurd (Syver) Mo 1895-1969, murar og lastebileigar, busette seg her. G m Hjartrud Vesterhus frå Gol 1881-1932. Born: Erik 1922 Salsrepresentant g m Petra Thorbjørg Nordstrand f 1926, busette i Ski (har två gjenter og ein gut), Tore 1923 vaktmeister g m Gunhild Myhren frå Hol, f 1925, busette seg i Hol (barnlause), Ingvar 1926 arbeidsleiar g m Margit O. Bergum, busette seg i Oslo (två born). - Syver gifta seg oppatt 1933 m Ragnhild Grøthe 191036. Born i andre ekteskapet: Gunhild 1933 g m Bjarne Bekkemellem (eit barn), John 1934 disponent g m Else Torgersen, busette seg Oslo (tre born). - Syver gifta seg att tredje gongen m Ragnhild Gram frå Borgund. Ho hadde sonen *Albert* f 1928, som no er eigar av Elvely.

Rusto

Gnr 77, bnr 1, lnr 643 a.

1 Rusto. I eldre tid kalla Snarsrud.

Kyrkjeboka seier at det døydde ein Nils Snorsrud (eller Snogsrud) i 1703, 60 år gamal. Det er venteleg son hans som heiter Ola Nilsson Snorsrud, d 1737, 62 år gamal. Han vart g 1708 m Mari (eller Kari) Hansdtr, d 1751, 74 år gamal. Dei hadde: Nils 1709 bonde i Rusto, Hans 1712 (kan hende fleire born i Boyesentida), Guri 1725, Bjørn 1728, Torstein 1733 bonde i Grøndale (g m Anne Ingvarsdtr), Halvor 1734, Torjus 1736. Nils vart g 1) m Jørønd Sjugurdsdtr, sem døydde i 1753: Mari 1736 g m Nils Jehanson, Ola 1742 må vera død før 1753. I 1753 er det skifte etter Jørønd, men då er berre Mari nemnd. - Nils vart g 2) 1756 m Guri Jakobsdtr søre Trøym: I 1757 har dei eit barn, men namn er ikkje oppført, og så kjem Ola 1758, Ola 1759, Jakob 1762.

Sama året som faren vart gift andre gongen, vart Mari g m Nils. Dei budde i Rusto ei tid og kom så til ein Haugs plass (Høita): Jørønd 1757, Jehans 1758, Tore 1761, Ola 1764, Ola 1766, Nils 1769, Margit 1775, Guri 1779. Etter dei kjem det ei ætt til Rusto, som vart verande der fram til notida. Det var Halvor Toreson Grøto 1751-1809-58 g 1776 m Anne Persdtr Ålrust d.y. 1753-1847-94. Dei hadde butt på Grøto ei tid fyrst: Olaug 1776-1847-71 ugift, Barbo 1779-1873-94 g fyrst m Ola Larsson og så med Jiggjer Kyrkjebøn, Margit 1781-1867-86 g 1808 m Ola Døkk ved Finnset, Ingerid 1784 g 1819 m Ola Sveinson Fløgo, Tore 1787-1882-95 bonde i Rusto, Per 1791 bonde på Kaslegard i Ål, Kari 1794-1873-79 g 1822 m Henrik Jordheim på Sletthaug. - Olaug var sjukleg og vart krokut og giktbroten. Dugde lite til arbeid og kom på legd. På nedre Tuv vart ho sjuk, og det bar mot slutten. Men tida var omme der på garden, og dei køyrde henne upp til øvre Tuv, bar henne inn og sette henne i ein stol, og

der vart ho sitande til ho døydde. Tore fekk garden g 1811 m Birgit Ingvarsdr Grøv 1786-1879-93. Tore var den siste som vart gravlagd på den gamle kyrkjegarden. Han kunna fortelja mykje frå gamle dagar, men ingen hadde vet på å notere det ned den tid, så han tok sine minne med seg i grava: Halvor 1814 g m Kari Hansdr Hallbjørshus, dei rtA, Ingvar 1816-76-60 bonde i Rusto, i Snikkerhuso og i Båste, Ola 1820 g m Kari Øndredal og deretter med Birgit Skar, bonde på Semlebakka i Valdres, Halvor 1822-1920-98 bonde i Rusto, Per 1825-50-25 «fikk en smertefull død» (HF), Ola 1828-1916-88 bonde i Fløgo, Lars 1830-99-69 bonde på Imre. Den eldste Halvor, Store-Halvor, skulde hatt garden, men foreldra var imot at han gifta seg med Kari Hallbjørshus. Han ga så ein god dag i Rusto og rtA med Kari. Der vart han farmar og slo seg så godt fram at han nokre år etterpå skreiv heim at han ikkje vilde ha Rusto om så husa sto på gullstolpar. Så tok Ingvar over Rusto g m Anne Snerte. Dei fløtte derifrå til Snikkerhuso og så til Båste. Anne var temmeleg skarp av seg. Eingong ho skjende på Halvor, reiste han til Grøto og var der ei tid. Då han kom att, møtte ho han med ein flir: «A ja, du kjem att lell» Anne og Ingvar budde i Rusto då storflaurnen i 1860 kom. Ingvar var på stølen i Bulien då det odna seg til. Det striregna ein heil dag, og samstundes teia snøen uppe i fjella. Det er bratt ovafor Rusto, og dei ottast det kom til å gå skriu. Ut i kveldsøykten hørde dei ein dur. Dei for hovudstups ut. Lars fata med seg mor si, som då var 74 år, og Anne bar med seg dei två borna sine Tore og Birgit, som då var 6 og 3 år gamle, og sprang sør på ein haug. Gamle Tore, som då var 73 år, vart så forkvifsa at han ikkje kom seg til å springe sørover, men vart ståande bak fjøsveggen. Skrio kom med ofseleg kraft, tok eldhuset og kasta det mot låven og sopte med seg låvehuset med. Fjøset vart ståande, men vart fylt av jord og stein, som slo sund golvet. Då skrio kom, var ho så nær dei fem som rømde undå, at vassgløysen og lufttrykket reiv skoa av vesle Tore, som ropte: «No tek skrio han gofa!» Heldigvis gikk det ikkje så ille. Men jord og grus og grov stein låg att utover markene. Krøtera var uppe i Lio ovafor, og det var svært vanskeleg å koma over skriulaupet og upp til dei. Dei vart mjølka på heimstølen, som låg der uppe. Folket torde ikkje vera på Rusto om natta, men reiste til Finnset. Ingvar i Bulien var ottesam. Han reiste heimover, men det var svært å koma fram, for elvar og bekker rann strie, og bruene var farne med flaumen. Då han kom heim i bygda og fekk snakke med folk, forsto han at ei ulykke hadde bore til, men folk vilde ikkje gjeta stort. Han spurde til nokon hadde stroke med. Nei, det var ikkje det, kunna dei svara. Två år etterpå selde han garden til Vesle-Halvor, bror sin, og fløtte åt Snikkerhuso. Halvor vart g 1864 m Guro Mekkelstr Grøndale 1833-1907-74: Birgit 1865 d, Tore 1866-67-1, Tore 1867-95-28, Birgit 1869 g m Ola Svingji på Fauskemoe, Mekkel 1872-1949 bonde i Rusto, Barbo 1873-74-1, Harbo 1875 (med dotter: *Oline* Torkjellsdr i 898-1918-20 d i spanskesjuka), Ola 1877-78-1. Mekkel fekk garden g 1899 m Birgit O. Tuv 1875-1974: Guro 1899 g 1928 m Jeger K. Trøym, Margit 1902-47, Birgit 1908-18, Knut 1914 bonde i Rusto. - Birgit døydde 16. februar 1974, 99 år gamal og var då truleg den eldste i Hemsedal. Ho var rødig og åndsfrisk til det siste og eit sers hyggeleg og godt menneske. Dei ho let etter seg, mintest henne med denne sangstrofen: «Salig er den som når alt farer hen, har Jesus og himlen igjen!» Knut overtok garden i 1934 g 1940 m Gunvor O. Trøym f 1920: Bjørg 1943 g m kontormann Villy Granlund, Oslo (2 born), Inger 1944 g 1971 m gardbrukar Odd Indgjerd i Odalen (2 born), Mikael 1947, Ola 1949 bygningsarbeidar. - Knut bygde ny hovudbygning 1949, moderniserte uthusa 1928 og har restituert kårstugo. Garden har langstøl på Krøssleino i Bulidale. Denne er fløtt nærmare vegen og uppattbygd pånyo der. Heimstølen ovafor garden er forlengst nedlagd.

Rustehaugen

Gnr 77, bnr 2, Inr 643 b. I Rustehaugji.

Under Rusto er det nemnt två som heitte Embrik og som venteleg må ha butt i Rustehaugji. Kan hende er det sama mannen som har vore gift två gonger. Den eine Embrik hadde tvilingdøtrene Jartrud og Barbo 1693. Den andre hadde dottera Guri 1728. Så er det nemnt ein Bjørn Olson Rusto d 1764, 60 år gamal. Han var g m Kari Olsdr nedre Ullsåk. Dei hadde: Ola 1758, Liv 1761. Vidare har me Ola Arneson d 1800 g m Ingebjørg Aslesdr Tubbun 1763-97-34, dei budde i Rustehaugji og hadde dottera: Anne 1795-1878-83 g m Svein Vanneviken. Ola vart g 2) m Guri Jonsdr: Guri 1800, som døydde tre veker gamal, straks etter at faren hadde falle ifrå. I 1801 budde det i Rusto eller Rustehaugji eit par: Halvor Knutson 74 år, gift andre gongen med Kristi Torgeirsdr 29 år. Born er ikkje nemnde. På sama tid budde som tilhaldar på ein av gardane: Margit Trondsdr (Hulbak 1757) som hadde två born utafør ekteskap: *Margit* Nilsdr 11 år og *Barbo* Knutsdr 3 år. Dei må vera døypte utabygds, for dei er ikkje innførde i kyrkjeboka. Omkring 1806 bur Ola Sjugurdson og Margit Olsdr Grøto der ei stutt tid (sjå Grøto 61-1). Etter dei kom Ola Toreson g 1809 m Margit Olsdr. Dei er og skrivne for Markegølo og Hallbjørshus, så dei må ha butt der før dei kom åt Rustehaugji. Dei hadde: Ola 1809, Sigrid 1816, Kristi 1819. Etter dei att kom Bjørn Mekkelson Lauvset 1804-97-93 g 1833 m Borghild Olsdr Purkestad eller Ullsåk 1811-97-86: Margit 1835, Mekkel 1840-98-58 ugift, døydde på Hustad, Ola 1842-54-9 drukna då han glei utfor ei klopp, Ågot 1844 g 1879 m Odd Hallbjørshus, dei rtA, Ola

1846-1918-72 bonde i Rustehaugji, Guro 1847 g 1881 m Torleiv Turrhaugji, Gunhild tviling 1847 d, Barbo 1850 gift i Vestfold, Ola tviling 1850-51-1, Ola 1853 rtA, Ola 1856 bonde på Hustad (79-2). Ein annan opplysning går ut på at ei Gunhild 1849-1931 vart g 1870 m Ivar Hensrud 1847-1935, dei rtA. Ola d.y. (f 1846) fekk garden, g 1876 m Margit Hansdtr Purkestadhaga 1850-1942: Bjørn 1877 d. Då dei sat att barnause, selde dei garden til sersjant Hans Mekkelsan Øygarde ved Øndredal, systerson til Margit, som selde han att til Ola J. Trøym i 1928. Ola J. Trøym 1878-1945 vart g 1908 m Ingebjørg O. Kyrkjebøn 1878-1964. Dei hadde før hatt Medgarden (86-8) i Grøndale: Jeger 1908-17, Ola 1910 bonde i Rustehaugji, ugift, Knut 1912 g m Birgit Eikre har søre Bygdheim 67-18, Odd 1914 d, Anne 1916 bur heime, Gunvor 1920 g m Knut Rusto, Jeger 1922 bur heime, driv med pelsdyr. Dei brukar alle *Trøim* som ættenamn. Sonen Ola overtok garden i 1929. Har kjøpt Hagamyre av Purkestad (76-2) og dyrka upp ein 15-20 mål. Driv og med pelsdyr frå 1935. Garden har langstøl på Krøssleino. Støla før på Preinsrud, men denne stølen vart nedlagd etter utskiftningen. Ei slåtte nord for garden vart før nytta som heimstøl (for geitene), ho vart kalla Søremyre fordi ho låg sør for Hulbakmyro. Margit H. Rustehaugji vart mykje søkt for ymse sjukdomar, iser hudsjukdomar. Ho «gjorde åt» for slikt. Ho hadde lært det av Jartrud Haga, mor si. Ola O. Trøym fortel: Far hans fekk so vondt i ein arm. Margit, som budde på garden, bad dei finne ein makk. Den la ho på armen, der det var ilt. Han sprelte kraftig ei stund, og so låg han der dau. «Dette va trøllet, og dette har e kji råd før, men reis te o Knut Sletto, han greie det!» (Knut Sletto i Grøndale dreiv like eins med åtgjering.) Ola so gjorde. Hadde med seg litegrann brennevnm på ei tint, som han leverte Knut. Han fekk med seg att ei tint med eit slag melesin, som dei smorde på armen, og armen vart god att.

Hulbak

I eit skiftebrev frå 1728 etter Ola Nilsson og hustru Dis Embriksdtr Jordheim heiter det at den eldste sonen, Knut, la fram eit skøyte datert 1. mai 1651 der Levor Hulbak m.fl. avstår frå sine rettar i det 10 laupsbol store jordegodset Jordheim til Nils Olson, som sjølv var odelsmann til garden. Her ser ein altso at det har levt ein *Levor Hulbak*, enten han no er identisk eller ei med den Tjuve-Levor som me får høyre om i søgna om «Hyddalskallen» (sjå «Hemsedal» s. 156/166). Levor er og nemnd i Skattematrikkelen av 1647: «Leuor Holleback er self derudj eigendes med pandt 4 løbbol med bøxell, Johan Snell 3 løboel med bøxell, Knud Olsenn 5 løbol pandt med bøxell.» Garden var taksert som halvgard. I manntalet for 1664-66 er det nemnt två brukarar på Hulebach: *Knud Pederson* 48 år og *Torger* 42 år, dessutan två husmenn: *Niels Berg* 44 år og *Gudmund Øen* 50 år. Berg må vera enten det noverande Berg eller øydebruket Bergji sunnafor Hustad og Øen enten søre og nørdre Øyne under Øndredal eller Øyne under Viljugrein. Berg er ikkje nemnd som sjølvstendig gard i 1647. Den fyrste som kyrkjebøkene nemner, er ein Henrik Hulbak. Han hadde tre søner: Trond 1693 bonde på Hulbak, Torleiv 1696-1773-77 budde på Hulbak, Kristen (fødselsår vantar) d 1758. Kristen vart g m ei Rønnøg som døydde 1776, 78 år gamal. Dei hadde två gutar: Svein 1725 og Halvor (fødselsår vantar) som i 1753 vart g m ei Harbo Persdtr (dei fekk sønene: *Svein* 1753, *Per* 1755) og dottera: Margit 1731. Torleiv Henrikson vart g 1) 1731 m Helga Mekkelsdtr Vøllø f 1704. Dei hadde: Jartrud 1731 g m Pål Person øygarde, Helgæ 1732 g m Mekkel Helgeson Hustad, dei budde på Strønden. 50 vart Torleiv g 2) 1737 m Guri Bjørnsdtr. Om gardpartane enno var skilde frå kvarandre eller ei, er uvisst. Men so får brørne Trond og Pål kvar sin: **søre og nørdre Hulbak**. Dei var søner til ein Kristen, som venteleg må vera ovannemnde (Flatens oppskrift tykkjest vera noko ugrei kva no grunnen kan vera).

Søre Hulbak

Gnr 78, bnr 1, lnr 644.

På søre Hulbak (tjukk l). Skriveform: Hulbak og Hulebak.

Trond Kristenson vart bonde på søre Hulbak g 1751 m Margit Bjørnsdtr Purkestad f 1724: Kristen 1754, Margit 1757, Rønnøg 1765. So fører Flaten upp Henrik Pålson nørdre Hulbak 1752-1817-65 g 1790 m Jørønd Nilsdtr: Anne 1793 g 1812 m Torleiv Olson Langehaug (hadde ei tid nørdre Hulbak), Guro 1796, Kari 1801 og tvilingsystera Guro 1801 d. So kjem til Hulbak Svein Eirikson Haug 1768-1826-58 g 1803 m Guri Olsdtr Ålrust 1781-1845-64. Dei budde på Kyrkjebøn seinare (sjå 69-1). Etter dei kom bror til Svein Ola Eirikson Haug 1757-1820-63 g 1787 m Birgit Knutsdtr Tuv ca 1760-1839-79. Dei hadde butt på Haug og i Lien før: Eirik 1789-1884-95 bonde på Hulbak, Guro 1791-94-3, Guro 1794 g 1823 m Asle Venåse, Knut 1797-1864-67 bonde på Kyrkjebøn 69-1, Anne 1799-1888-89 g m Hans Løvehaugji, Per 1802-80-78 bonde på nørdre Viljugrein, Sigrid 1805 d, Sigrid 1807-79-72 g m Lars Kyrkjebøn. Eirik fekk garden g 1823 m Kari S. Tuv 1798-1883-85: Birgit 1824 g 1845 m Andres Trøym, Ola 1825-1920-95 bonde på Hulbak, Margit 1827-1919-92 g m Nils Brandvøl, Sjugurd 1830-96-66, Andres 1833-1916-83 bonde på nørdre Hulbak, Anne 1835-39-4, Guro 1838-1924-86 g m Per nørdre Langehaug, Anne 1843-1914-71 (ho og Sjugurd var ikkje normale). Ola fekk garden g 1853 m Guro Eiriksdtr Vøllø 1827-88-61. Ho døydde av vatersott. Ola var blind dei siste åra, men

førde godt tilsyn med garden likevel: Kari 1854 g m Eirik Brandvøl på Finnset, Eirik 1855-1937 bonde på Hulbak, Ingebjørg 1857 d, Ingebjørg 1858 g fyrst m Andres og so m Embrik Venåsbakko, Birgit 1860 g m Hans Enda i Grøndale, Knut 1862 bonde på Jordheim, Kari 1865-1902-37 g m Asle Hustad, Eirik 1867 bygde åt seg på Imre. Eirik d.e. fekk garden g 1886 m Gunhild Bakke 1863-1948: Guro 1887-1965 g m Per Støyte, Ola 1888 g 1929 m Inga Buajordet frå Ulnes i Valdres, Arne 1890 d, Sigrd 1891 g m Ingvar Grøndalshaugji, Kari 1894-1976 g m Syver Brandvoll, Margit 1897 g m Olav Grøndalen, Ingebjørg 1899, Oline 1901 g m Wilhelm Vøllø, Aslak 1904 g m Birgit Venås. Ola fekk garden. Ola fortel at då dei arbeidde Hyddalsvegen frå Munne og ned på Slettatn, hadde dei upp i 5 kroner dagen. Trond, Eirik og Ola Finnset arbeidde mykje der, likeso Storedøkken og Ola Dekko. Den sistnemnde var formann og staka ut vege. Eingong far til Ola skulde heim frå Hyddale med kløv, måtte dei over åne ein stad, og ho gikk stri. Mor hans sat upp i mellom kløvteinene. So skjekte kløva seg og ein primost datt or og ned i åne. Ei grisepurke jaga dei og med seg. «Det va nøkk ingjin juledaga då,» meinte han Ola. Borna til Ola og Inga: Erik 1931 bonde på Hulbak, Edwart 1936 har gått sosialskulen og er utdana diakon, frå hausten 1973 sosialsjef i Bærum, g 1960 m Åshild Blix Stokksund f 1932 (3 born). Erik overtok garden 1953, g 1958 m Borghild Warberg frå Ål f 1930. Born: Inger 1960, Oddvar 1961, Astrid 1963. Erik og Borghild er onnuge og framsynte folk som har lagt ned mykje arbeid på garden. Har dyrka upp mykje jord. Fløtte til nytt gardstun og bygde innehus der 1957 og nye uthus 1962 (kaldt sauefjøs og fjøs for geit, det fyrste i sitt slag i Hallingdal), dessutan fjøs og stølsbu i Hyddale og 10 utleiehytter. Hulbak har heimstøl i Hyddale og heimstøl «Uppå Kleivo» heime.

Nørdre Hulbak

Gnr 78, bnr 2, lnr 645.

På nørdre Hulbak.

Skriveform: Hulbak eller Hulebak.

Pål Kristenson, bror til Trond på søre Hulbak, vart bonde på nørdre garden, d 1809, 87 år gamal. Han vart g 1749 m Anne Aslesdtr: Henrik 1749 d (det gikk ein kveisefarang ved det belet, og mange born døydde då), Henrik 1752-1817-65 bonde på søre Hulbak, Kristen 1755-1826-71, Asle 1757-1831-74 bonde på Grøto, Ola 1761, Margit 1763-1841-78 g 1783 m Ola Herbrandson Torset, Rønnøg 1766-1844-78 g 1793 m Helge Berg, Svein 1769. - Pål vart g 2) 1787 m Guro Tomasdtr, enkje etter Ivar Olson Ullsåk.. Ved giftarmalet var han 67 og ho 52 år gamal. Kristen fekk garden g 1778 m Kari Hansdtr Hølle 1756-1836-80. Han var sersjant og malar og dikta viser, men var for glad i det sterke. Flink rosemalar, men brennevinsflaska laut stå jamsides (GamleEivind). Måtte gå frå garden. Dei budde i Døkk ei tid og so på Høllebakka. Men Pål, son hans, kjøpte att Hulbak. Borna til Kristen og Kari: Hans 1778-81-3, Anne 1782, Anne 1785 vart gift på Vestlandet (Strilelandet), Hans 1788 budde i Bergen, men vart ikkje gamal, Nils 1791-1811-20 var ei tid i Bergen, men døydde i Berg, Anne 1794-1858-64 g 1819 m Knut Vente, Pål 1797-1861-64 bonde på Hulbak, rtA 1861, Kristen 1800 d. - Kristen Hulbak dikta ei vise om eit lag i Høvdæ, då han Hølji Berg vart gift med henne Ambjørg Høvdæ (1811). Han Gamle-Eivind hugste noko tå visun (merk samenblanding s. 395): Han Gudleik Vøllø sat i ei ron som ein fant med sø i ei ause o eplu iblant. Ho Kari tømte det va so leitt at han Svein skulde sita so sveitt, han hadde med flæskun å gjera. Han Eivind Høvdæ tar kji på sky tri gå, tar kji liggji ette bjødne, han kan berre pløggi o så o passe maltet som renn tå kødne. Då Kristen måtte gå frå garden, budde Torleiv Olson Langehaug der ei tid, gift med Anne søre Hulbak. Dei flømte frå Hulbak til Vøllø og derifrå til Valdres. Borna rtA: Ola 1814, Guro 1816, Henrik 1819-1901-82 budde i Nord Dakota, Jørønd 1822, Pål 1824-1908-84 budde i Wisconsin, Ola 1826. Pål og Ola vart rike folk. Hendrik vart g 1) m Margit dotter til Ingebjørg I. Vøllø, 2) m Barbo V. Skøyte. Han hadde fridd til henne fyrste gongen og, men då sa ho nei. Då han kom att som enkjemann, så ho ja. Pål Kristenson fekk kjøpt att Hulbak g 1828 m Barbo Eivindsdtr søre Grøndalen 1802-93-91. Han vart fyrst kjend med Kirsti, ei eldre syster til Barbo, men gjorde det om inkji. Kirsti kom seinare åt Venåsbakko. «Siden var de to søstre aldri godt forlikte, skrev Pål søn Ola til mig fra Amerika. Pål var en vennsæl mann, hadde godt for sig blandt folk i selskap, hvor han ofte var spillemann. Men han syntes, han hadde ikke riktig lykke av buskapen og mente, det ikke var ganske riktig med de penger han tjente ved å spille. Vilde sette en prøve på det. Kjøpte en geit for spillepengene. Gråbeinen tok geiten. Da sluttet Pål å spille for penger» (HF). Den tid var det ofte bjørn i Hyddale. For Pål jaga han burt ei kyr so ho alder spordest meir, og andre skamreiv han. Pål jaga heim dei såra dyra og let dei gå i Hulbakmyro. Pål og heile huslyden so nær som Kari rtA i 1861. Dei kom til Goodhue county i Minnesota, men Pål og fire av borna døydde av nervefeber (tyfus) straks dei var komne fram. Dei attlevande vart velstandsfolk. Borna til Pål og Barbo: Kristen 1829-61-32, Kari 1831-33-2, Sigrd 1833-61-28, Kari 1834-1918-82 g m Svein Løvehaugji, Eivind 1837-61-24, Anne 1838-39-1, Nils 1840-6121, Ola 1841 var med i legislaturen (den lovgjevande forsamling) i Minnesota, Hans 1843-1923-80 ogso med i legislaturen, Anne 1845 g i Amerika m Øyvind Tvedt. Det var Andres Eirikson på søre Hulbak 1833-1916-83 som

kjøpte garden då Pål drog til Amerika. Han vart g 1863 m Margit Sjugurdsdtr Grøto 1838-1921-83. Dei fekk ikkje born før om 14 år: Eirik 1877-1943 bonde på Hulbak, kommunemann, Kari 1880-1962 g m Sjugurd H. Grøto. Eirik overtok garden g 1898 m Ingerid o Tuv 1877-1963: Margit 1898 fekk garden, Maria 1905 g 1926 m Andres Trøim (67-1). Margit g 1918 m Nils Olson Kyrkjebøn 1896-1963: Gunvor 1918 g 1949 m Olav Berg (sjå Berglund), Ola 1920 bonde på Hulbak, Ingrid 1922 g 1945 m Svein O. Ulsaker (62-10), Erik 1930-53 døydde brått. Nils var mykje nytta i det kommunale styre og stell, m.a. varaordførar i två bolkar. Nydyrka jord og bygde nytt fjøs heime og bu på stølen. Ola overtok garden i 1949 og vart g sama året m Guri Hersgård frå Gol: Margit 1949 g 1973 m Oddbjørn Heimlund frå Hurdal f 1947, som arbeider hjå Langehaug Entreprenørforretning (born: *Arne Ove* 1973, *Gunn Tone* 1975, *Hallvard* 1976), Gunhild 1951, Nils Erik 1953, Arne Geir 1961. Ola har nydyrka ein god del, bygt nytt bustadhus og hytte til burti eige. Var med i heimestyrkane under krigen. Medlem av kommunestyret. Har selt tre hyttetomter på stølen i Hyddale, den eine til verbror sin, Sigurd Hersgård frå Gol. Heimstølen ovafor garden er ikkje lenger i bruk.

Hustad

I skattematrikkelen for 1647 er Hustad oppført som halvgard. «*Trund Husestad* ejer selff derudj med hans medsøschende 12 løboel med bøxel.»

Manntalet av 1664-66 nemner *Eric Tronsøn* 36 år som eigar av den eine garden (halvgard) med husmann *Tomas* 70 år. Det andre bruket er skattlagt som øydegard: «*Gunnil* Enken bruger 6 løbbol med sin Søn *Niels* Hustad.» Seinare er det nemnt ein *Tomas Eirikson Hustad*, trulova med *Sunnev Eivindsdtr Ålrust*, men ho døydde i 1704 før dei vart gifte. I 1710 blir so *Tomas g m Lisbet* Olsdtr, som døydde i 1758, 80 år gamal. Dei hadde dottera: *Ragnhild* 1712. - Etter at *Tomas* var død, vart *Lisbet* gift att med *Mons Hansson Hustad*. Han fall tidleg burt. I 1734 er det skifte etter han, og der blir hans attlevande kone kalla *Lisbet*. Dei var barnlause, og syskina til *Mons* erver han. Dei bur alle i Valdres, so *Mons* må venteleg vera komen derifrå (*Mons* er heller ikkje noko vanleg namn i Hemsedal). Syskinlaget hans var dette: *Haskjell* (eller *Harkjell*) budde i Vang, *Andres* budde i Vestre Slidre, *Nils* var død, men let etter seg två born: *Hans* på *Kvie* i *Slidre* og *Mekkel* 15 år, *Kristi* budde på *Riste*, *Helgæ* g m korporal *Steinar Oddmundson Feren* i Vestre Slidre, *Sissel* er død men let etter seg två born: *Nils* 3 år og *Kirsti* 5 år. Hustad hadde tre stølar på vestsida av *Storeskarvatnet*. Dei vart selde av enkja *Birgit Hustad* til *Ola Tuv*, som atter selde dei til *Embrik Fekjo*. *Jon Hustad* gav bror sin, *Torleiv Brøta* i *Grønlio* i *Gol*, lov til å røa seg støl sunnafor *Hustadstølo*. Denne stølen vart kring 1880 selt til *Ola Fausko*, som 20 år seinare selde han att til *Ola K. Fløgo*. På austsida av *Storeskarvatnet* var det *Purkestad* som hadde 6 stølar, synst *Klanten*, som seinare vart støl til *Lauvset*.

Søre Hustad

Gnr 79, bnr 1, lnr 646. På søre Hustad.

Kyrkjebøkene nemner fyrst ein *Ola Hustad* med dotter: *Ragnhild* 1741. Noko seinare bur det på *Hustad* ein *Gunnvald Person* (frå *Ålrust* f 1728) g 1757 m *Margit Knutsdtr søre Lien* f ca 1736. Dei hadde butt på *Øndredal* og *Reiarsletten* før og vart ikkje verande svært lenge på *Hustad* heller. *Kvar* det vart av dei, er ukjent. Dei hadde: *Per* 1759, *Jartrud* 1762, *Kristi* 1764, *Kristi* 1766, *Knut* 1767. Men so kom det ei ætt som vart sitjande på garden i 122 år. Den fyrste var *Ola Nilsson*, som døydde i 1792, 63 år gamal. *Kvar* han var ifrå, er ukjent. Han vart g 1766 m *Ingebjørg Trondsdttr Grøndale* (86-8) 1747-86-39: *Nils* 1767-1856-89 bonde på *Hustad*, *Kari* 1769-71-2, *Kari* 1772, *Trond* 1774 d ung, *Sigrid* 1776-1851-75 ugift, *Ingebjørg* 1780-1846-66 g m *Ivar Rudningji*, *Trond* 1783-1847-64. - *Sigrid* må ha vore «lite før se», som dei seier. Det var smått for henne og lite å leva av. «Det er mig fortalt, at når hun kokte til sig, kunde hun se ned i kjeraldet sitt å si: A nei, enn det vesle mjølet mitt då!» (HF). - *Trond* var med i krigen i 1814. Han budde på eit lite bruk sør for *Hustad* som dei kalla *Svøo*. Det er nedlagt, det er berre namnet *Svøajordet* som minner om at det budde folk der. *Trond* vart g 1826 m enkje *Kari Bjørnsdtr Øndredal*, som før hadde vore gift fyrst med *Ola Gunhildgarde* og so med *Asle Imre*. *Trond* og *Kari* var barnlause. *Nils* fekk *Hustad* g 1793 m *Ragnhild Olsdtr Eikre* 1773-1836-63. *Sist* på *Nils* levde gikk han og rispa lauv på *kjærro* i *Hustadhaga*. «*Rispa* du som æ so gamal då?» spurde ein som kom forbi. «*Dei æra* gamlar *kjærratn*.» svara han *Nils*. *Borna* til *Nils* og *Ragnhild*: *Ola* 1794-1826-32, *Ingebjørg* 1797, *Ola* 1798-1888-90 bonde på *Hustad*, *Nils* 1801-72-71 bonde i *Fløgo* og *Torsethaga*, *Ingebjørg* 1804-62-58 g m *Embrik Høvdæ* på *Torset*, *Kari* 1807 g 1842 med *Aslak Olson Flaget* i *Gol*, *Hans* 1811 rA, var heim att ein tur, g m ei frå *Voss*, *Kari* 1815-90-75 g m *Per Høllebakka*, *Sigrid* 1818 g 1841 m *Eirik Fløgo*. *Ola* d.y. fekk garden g 1829 m *Kristi Knutsdtr Hølle* 1810-99-89, dotter til *Hølleløla* og den fyrste mannen hennar, som budde og døydde i *Bjøbergo*: *Ragnhild* 1833-1903-70 g m *Knut Bjøbergo*, *Margit* 1836-1921-85 g m *Ola Trøym*. - *Kristi* var ei «før

se» kvinne, ho likna i so måte på mor si. Ho hadde ein gris eingong som var lik andre grisar i det at han velta matbidnet sitt. «Du æ no den du æ, du,» sa ho Kristi. Dette vart ei herme i bygden: «Du e no den du æ, du, sa ho Kristi Hustad ved Grisen sin.» So vart garden kjøpt av Ingvar Olson Rese 1834-1900-66 g 1) 1871 m Margit Aslesdr Øndredal 1835-81-46. «Margit var den lengste kvinne jeg har sett i bygden» (HF). Dei hadde: Ola 1871 ikkje normal, Asle 1874-1969 bonde på Hustad. - Ingvar vart g 2) m Marte Aslesdr Jorde på Torset 1836-1917-87. Asle fekk garden g 1) 1902 m Kari Olsdr Hulbak d.y. 1865-1902-37. Ho døydde i barnseng. Asle vart so g 2) 1906 m Margit Olsdr Finnset 1866-1952. Dei var barnlause. «Jeg vil få skrive om Asle, at han reiste et vakkert gravkors på sin stykkmors grav. Når jeg så det, tenkte jeg radt: dette skal jeg takke ham for i boken» (HF). Asle var ein sers hyggeleg mann med allsidede interesser. Han hadde eit framifrå minne og fortalde mykje frå gamle dagar. Diverre vart det ikkje nedskrivi. I 1932 bygde Asle seg ei kårstugu og selde garden til Ola K. Lien d.y. 1890-1973 g 1920 m Sigrid O. Hustad 1898-1947. Borna deira: Anne 1920 g 1949 m Ola Blåflat i Lærdal (dei har ein gut), Birgit 1922 g 1943 m Ola Sjøstad, Borghild 1924 er heime, Knut 1936 bonde på Hustad. - Ola Lien var handelskar, krøter- og hestehandlar. Handla i Sogn, Valdres og Hemsedal. Knut overtok garden. Han kjøpte ogso Medlie (89-1) av farbror sin. Bygde nye uthus 1961 og nytt fjøs i Heimdale. Langstølen på Ershøvd er utskifta til hyttetomter. Den andre langstølen, Hestehaugo, ligg i Mørkedale, og heimstølen ligg i Heimdale. Til Medlien høyrer det store vidder med hamn, som han brukar no.

Berget

I Bergji. Nedlagt bruk sør for Hustad.

Der budde Ola Person frå øyn eller Moe under Øndredal 1815-67-52 g 1844 m Kari Helgesdr Høllemeoe 1818-74-56. Ola var mykje burte og saga bord med handsag. Han og Ingvar Venåsbakko var til og med på Lærdalsøyri og saga bord for ein handelsmann Hansen. Ola var kjømeister i likferda etter Kari Eivindsdr nørde Grøndale 9. mai 1867. På nordturen frå kyrkja vart han blaut då han vassa over Flatsjømyratn, vart krimsjuk, fekk lungebetennels og døydde 21. mai. Det vart fortalt at då han sat til bords juleftan, skratta det ei skjør uti garde. Folk tok varsel av slikt. Borna til Ola og Kari: Kari 1844 reiste til Australio, Helge 1846-48-2, Marte 1849 g 1870 m Eirik Torsteinson Vøllø, dei rtA, Guri 1851-73-22 drukna ned for øndredal, Kristi 1853-55-2, Kristi 1856 g 1882 III Nils Lykkjebakko, bonde på Storeskar, Margit 1860, Anne 1863 g 1844 m Ola K. Åse på Torsetsidun, dei rtA.

Nørde Hustad

Gnr 79, bnr 2, lnr 647. På nørde Hustad.

Her er Helge og Guri Hustad nemnde. Dei har två born: Nils 1701 bonde på Hustad, Anne 1705. Det må venteleg vera den sama Helge Eirikson Hustad som døydde i 1744, 80 år gamal. Han vart g (uppatt) 1710 m Lukris Halvorsdr, som døydde 1756, 80 år gamal. Lukris var frå Arnegard (Tullegarden) i Vats, Ål. Dei hadde ein son: Halvor 1712 bonde på Hustad. Nils vart g 1734 m Kari Nilsdr Finnset: Pål 1734, Helge 1736 (d 1760), Sygni 1740. Halvbroren Halvor har kan hende brukt garden samen med Nils. I 1759 er det nemleg tre bønder på Hustad: Nils og Halvor Helgeson og Gunnvald Person. Gunnvald har då truleg vore bonde på søre Hustad. I eit skiftebrev står det at Nils selde garden sin (eller kan hende halvparten) til broren Halvor, som i 1739 vart g m Kari Nilsdr d 1749. Då verfar både til Nils og Halvor heitte Nils, og båe hadde ei dotter med det sjeldsynte namnet Sygni, må ein tru at Nils og Halvor var gifte med kvar si Kari frå Finnset. Halvor og Kari hadde: Sygni 1740 d, Sygni 1743, Ola 1744 d, Ola 1745-1815-70 bonde på Hustad, i Huso og i Sjøheim. - I skiftet etter Kari 1749 vart det registrert 5 kyr, 1 kvige, 3 uksar og 8 sauer. - Halvor vart g 2) 1752 m Margit Halvorsdr: Kari 1752, Kari 1753 g 1773 m Mons Hallsteinson Viljugrein. Ein Mekkel Helgeson Hustad g 1755 m Helgæ Torleivsdr Hulbak 1732-1810-78 må vera ein bror til Nils og Halvor. Budde på Hustad ei tid, kan hende som tilhaldar, og på Strønden ved Tuv. Han og Helgæ hadde: Helge 1756 d, Helge 1757, Henrik 1761-71-10, Ola 1764, Knut 1767 budde på eit Kyrkjebønsbruk og på Fausketeigji, Lukris 1770, Henrik 1772. Ola Halvorson vart g 1773 m Margit Eivindsdr Grøndale f 1753. Dei budde på Hustad og seinare i Huso og på Sjøheim: Jakob 1774-1855-81 bonde i Huso i Lio, Kari 1775 g 1798 m Ivar Nilson Myte, Barbo 1778 gift til øvre Grøndalshaugji, Halvor 1782-1844-62 bonde på Tubbun, Birgit 1788 vart gift på Hadeland, Eivind 1787-1876-89 bonde på Åtnehaugji, Kristi 1791, Knut 1796-1848-52 bonde på Reso, Jartrud 1798 gift til Skaret i Gol. Omkring 1800 blir det nemnt ein Mons Olson Hustad g m Sygni Steingrimsdr Fmnset 1761-1832-71. Mons f 1755 var ifrå Støle. Dei budde fyrst i Lien (sjå: Andre huslydar i Lien), sea på Hustad. På sama tid er det nemnt eit anna par buande på Hustad eller på ein plass under Hustad. Det er Mons Ørjanson og Kari Embriksdr med dottera: Kari 1757. So kjem det ein Ivar Jonson Vøllø 1766-1847-81 g 1802 m Ingerid Hallsteinsdr Øndredal 1777-1871-94. Ivar var ein svær drivar. Det er fortalt om han at han sat på stølen med over 20 naut. «Du har vel over eit kjue (20) no,» vart det sagt til han. «A ja, det tåttast so te,» svara han. Sea vart dette ei herme i bygden: «Det tåttast so te»

(rekk so vidt dit), Sa'n Ivar Hustad, han sat på støle med over 20 kydn.» Ingerid var skral med helsa og låg til sengs i over 20 år. Born: Jon 1804-83-79 bonde på Hustad, Birgit 1807-10-3, Hallstein 1810 g 1839 m Turid Knutsdtr Hølle f i Ål, Knut 1813 g 1838 bonde på Eikro i Lio, rtA, Torleiv 1816 bonde på Brøta i Grønlio, Birgit 1820-1911-91 g m Eirik Lien og sea med Sjugurd Purkestad. - Hallstein g 1839 m Turid, dotter til Hølledeola og Knut Bjøbergo, budde på Brandvøl ei tid og reiste so til Amerika. I Hemsedal hadde dei: *Ingerid* 1840, *Margit* 1842, *Ivar* 1845. (Han Gamle-Eivind ga dette att på ein litegrand annan måte: Hallstein og Turid budde fyrst på Nilsegarde på Brandvøl, kjøpte so garden til Gjermund Nørdreli i Gol og var der ei tid, men syntest so at det var for tungvint der og reiste til Strønd (Strand) i Ulnes, Valdres. Turid døydde, og Hallstein gifta seg uppatt. Han døydde på ei byreise.) - Torleiv vart g 1842 m Kari Olsdtr Venåse f 1817. Før dei drog til Grønlio, hadde dei: *Ivar* 1845 bonde på Brøta i Grønlio, rtA, *Ola* g m Gunvor Presthaugji i Lio, dei busette seg på Nes, men vart ikkje gamle, for Ola fekk ein helseknekk då han var med i brøtningen om vårane (två av borna deira vart adoptert av stortingsmann Knut Heie i Flå, dei andre fire var: *Ingerid*, *Margit*, *Knut* og *Birgit*). - Knut vart g m Astrid Eikro, dei rtA. - Birgit var fyrst trulova med Jon Mykleset i Gol, men døydde ugift i barnseng. Jon vart seinare g m Guro Torsteinsdtr Øyn ved Viljugrein som var syskinbarnet til Birgit. Dei rtA. Jon, som fekk garden, vart g 1829 m Ingerid Olsdtr øygarde 1810-95-85. Dei hadde: *Ivar* 1829-81-52, *Ola* 1831 d, *Ola* 1832 rtA, *Ingerid* 1834-71-37, *Sigrid* 1836-54-18, *Anne* 1840-1917-77 g m Jakob Venåse, *Birgit* 1841-1919-78 (hadde dottera: *Birgit* Botolvdsdtr 1873-1911-38 g m Andres Brandvøl), *Margit* 1844 rtA, *Ingerid* 1846 g m Lars Sjøheim på Fauskemoe, *Knut* 1852 d. *Ivar* fekk garden g 1875 m *Birgit* Ingvarsdtr Grøndale f 1849: *Jon* 1876-1949, tvilingane *Kari* og *Ingerid* 1879, *Kari* busette seg i Røyken og *Ingerid* rtA. *Birgit* stridde med garden nokre år etter at *Ivar* var død, men det vilde ikkje bera seg på grunn av dei store arbeidsutgiftene. So selde ho fyrst langstølane, deretter heimevinna med heimstølane Døkk og Nyebue til *Ola* Bjørnson Rustehaugji d.y. *Ola* 1856-1941 vart g 1894 m *Birgit* Olsdtr Finnset 1858-1927. Kjøpte Viljugreinsstølen i nordre Mørkedale av *Erik* Bjøberg og fekk seg langstøl der, likeeins kjøpte han Svøajordet, som vart lagt attåt heimevinna. Borna til *Ola* og *Birgit*: *Sigrid* 1898 g 1920 m *Ola* K. Lien d.y., dei har butt på Hustad (born: *Anne* 1920, *Birgit* 1922, *Borghild* 1924), *Mekkel* 1899 bonde på Hustad. *Mekkel* vart g 1932 m *Helga* Aalstvedt f 1908. Han overtok garden i 1932. Bygde nye uthus 1936-37 og nye stølsbus nedafør vegen i Heimdale 1933. Borna til *Mekkel* og *Helga*: *Birgit* 1933 g 1955 m *Sverre* Fosøy frå Sogn, baa två er lærarar på Notodden skule (har två gitar og ei gjente), *Ola* 1934 bonde på Hustad, *Borgny* *Sofie* 1938 g 1960 m *Knut* i. *Bakke*, *Hilda* *Marie* 1942 adjunkt, trulova m *Semming* *Teigen* frå Lom. *Ola* overtok garden g 1972 m *Gerd* *Opsata* frå Ål f 1948. *Ola* er den fyrste inseminør i Hemsedal. Bygde ny bu og nytt fjøs i Mørkedale 1958 og nytt fjøs heime 1969-70. Har arbeidt med nydyrking i Heimdale og Mørkedale og bygt nytt fjøs på heimstølen 1970. Tok over som ordførar i Hemsedal etter *Svein* *Eikre* frå nyttår 1976. Barn: *Magnhild* 1974. Heimstølen Døkk i søre Heimdale er no i bruk heile sommaren. Før var det 5 stølar i bruk der, no berre ein. Derimot er det mange byfolk som har bygt seg hytter der. sameleis i Mørkedale. Der var det i 3 budeier før, no er det att berre ein tvåtre. Stølsbusuene er vølte på og leigde ut til byfolk. Burtafør elva er det bygt ein geitestøl med plass for kring 200 geiter. *Mjølka* blir levert på meieriet. *Gardane* *Sjåstad*, *Hustad*, *Rese*, *Viljugrein* og *Tuv* fekk seg ny, kommunal veg i 1962. Elektrisk lys kom i 1937. Dei fleste gardar i denne grenda har no som andre stader i bygden innlagt vatn og elektriske hjelperåder av ymse slag: mjølkemaskin, kjøleskåp, frysar osv.

Andre døde på Hustad:

Legdslem *Margit* *Trondsdr* 1838, 80 år. Fattiglem *Anne* *P. Hustadeigo* 1857, 50 år. *Ingerid* *Rusto* 1762. *Nils* *Sjugurdson* *Hulbak* 1773, 70 år.

VILJUGREIN

Søre Viljugrein

Gnr 80, *bnr* 4, *lnr* 551 a.

På Viljugrein.

Det er fyrst nemnt ein *Knut* *Hansson* *Viljugrein*, d 1728, g m *Kari* *Eivindsdr*. Det var skifte etter *Knut* 1728. Dei hadde tre døtrar: *Sigrid* g m *Nils* *Jakobson* *Viljugrein*, *Anne* 1694 g m *Søren* *Kristofersen*, *Kari* g m *Ørjans* *Monson* *Øndredal*. *Kyrkjebøkene* nemner tre born til, som då må ha falle burt fyre

1728: Ivar 1696, Dis 1698 d, Eivind 1700. Odelsgjenta Sigrid vart g 1711 m Nils Jakobson Viljugrein, truleg frå nordre garden. Etter kyrkjebøkene og skifteprotokollane hadde dei desse borna: Jakob 1712-77-65 fraus i hel til fjells, Hans bonde på nordre Viljugrein, Svein, Knut 1725 g m Sissel Monsdtr frå Øndredal, Liv 1727 d ung, Sigrid 1731 d ung, Barbo, Jørønd g m Oddmund Jakobson. Fødselsaret for fleire av desse borna er ukjent. - Sigrid hadde ei dotter utanom ekteskapet: *Guro* Hansdtr g m Ola Rolfson Klepp i Gol. So frå skifteprotokollane: «Skifte 1766 efter den forhen udi Pladsen Øen under Vilhjelmgren forhen boende og ved døden afgangne Dannekvinde *Guri* Helgesdatter (Berg d.y.), hvis efterladte og beholdne Formue, naar først alle bevislige Krav ere udgjort, falder til Arv og Skifte mellem hendes gjenlevende Enkemand *Jakob* Nielsøn og deres i lovlig Ægteskab avlede eneste Datter, *Sunnev*, 30 Aar gammel, som er hjemme hos Faderen.» - Vidare er det nemnt at brørne *Jakob* og *Hans* Nilsson har gjort kontrakt med kvarandre 1752 at Hans skal ha den nordre garden. So bur Torleiv Anfinson Haug 1700-37-37 på den søre garden g 1735 m Lukris Trondsdr Grøto f 1696. Ved skiftet etter Torleiv er det eit einaste barn: Sigrid 1736. Så har me bygdelenmannen Per Eivindsan Viljugrein (frå Høvdae) 1748-1813-65 g m Kari Jørgensdtr Venåse f 1758. Om han er det fortalt at han les opp på kyrkjebakka etterlysing etter stortjuven Oddmund Døkk, «Jørønd-Ømmun» dei kalla. Då han hadde lese ferdig, la han til for eigen rekning: «A ja, den karn kjem vel kji her åt bygden meir!» Men tjuven låg gøymd hjå lensmannen, og ingen fann på å leite der naturlegvis. Borna til Per og Kari: Margit 1779, Eivind 1781, Jørgen 1785-1838-53, Nils 1787 bonde på Viljugrein ei tid, Margit 1789, Per 1791-1855-64 bonde på Viljugreinshaugji, Jon 1793, Ola 1795 g 1832 m Anne Sprikji, dei rtA 1852, Nils 1797-1837-40 bonde på Viljugrein, Margit 1800 g 1825 m Hans Ivarson nordre Brandvøl (før ekteskapet hadde ho dottera: *Gunvor* 1823-98-79 g til Sjøheim, far hennar, Arne Jakobson Sørbøl, låg over på Viljugrein ei natt då han kom frå Lærdalsøyri med lass, og vart då sopass kjend med Margit). Nils d.e. hadde garden ei tid, deretter flakka han ymse stader, budde ei tid på stølen Flatsjø, som høyrde Brandvøl til, deretter på ein støl ved Fagerset. Brasa ihop att sprukne gryter og anna slikt arbeid. Var g m Ingebjørg Ingvarsdtr Grøndale 1800-55-55: Per 1824 fløtte 1860 til øystre Slidre, Ingvar 1827 bonde på Rye i Valdres g m Sissel Myte, Eivind 1835-92-57 bonde på Lykkjebakko, Kari tviling-systema g 1853 m Hallstein Torson Bakke, dei rtA (i Hemsedal hadde dei sonen: *Ola* 1853), Ola 1840-57-17 drukna ved Kariset, tvilingane Ola og Ola 1844, den eine døydde sama året, den andre vart bonde på Farset i Gol d ca 1918, g 1874 m Birgit Knutsdtr Bakka i Gol, Nils 1848 bonde i Storeskar og seinare Skøltebakka. Nils d.y. fekk so garden g m Barbo Eivindsdtr, kvar ho var frå er ikkje opplyst: Per 1820 hadde Viljugrein ei tid, rtA 1848, Eivind 1823 d ung, Kari 1827 fløtte i 1854 til Modum, Eivind 1829-30-1, Eivind 1830 g m Ågot Nilsdtr Fystro frå Skroviken i Valdres (syster til Birgit øvre Tuv). Per hadde garden ei stund g 1845 m Kari Olsdtr Eikre f 1819: Nils 1846. Han selde garden til Ingvar Olson Venåse, som då ei liten tid hadde butt på Rohaugji i Gol. Ingvar selde heimevinna på Viljugrein til Andres Trondson Tuv 1823-1903-80 g 1846 m Margit Arnesdtr nordre Venåse 1822-1904-82. Andres var kommunemann og styrde godt dei tre eigedomane sine, Viljugreinsgardane og Viljugreinshaugen. Born: Trond 1846-51-5, Margit 1849-51-2, Anne 1851 g m Ola Knutson Høltegard i Gol, som døydde 1890, Margit 1854-90-36 g m Ola K. Kyrkjebøn, Trond 1857 bonde på søre Viljugrein, Arne 1860 bonde på nordre Viljugrein, Sjugurd 1862-1935 lærar og klokkar i Gol, Knut 1865-91-26 lærar i Tørpo, Ola 1869-70-1. - Sjugurd g 1890 m *Ambjørg* Knutsdtr Tuv f 1864 var fyrst lærar på Torset og i Lio i Hemsedal, kom so til Øygardo i Gol 1891 og so til Golreppen skule som lærar og klokkar 1905. Han var mykje med i kulturelt og kristeleg arbeid i Gol. Kjøpte det vesle bruket Plassen på Øygardo og dyrka dette bruket opp til ein stor gard. Born: *Andres* 1891 bonde på den nyrudded garden, *Margit* 1895 g 1917 m Peder Bråten i Gol, busette seg på Voss, *Knut* 1898 handelsmann på Sandnes g 1924 m Torbjørg Elise frå Stavanger. - Eingong min far (OR) var med Viljugrein til Nes på talarferd, fekk dei ein kveld uppleva eit verlys (nordlys) som dei aldri hadde sett maken til. Det flakka og skein som eld over heile himmelen (OR). Trond fekk søre Viljugrein g m Guro Bjørnsdtr Lien f 1859. Dei vart vigde 7. juni 1882 sama dagen som den nye kyrkja vart vigsla. Trond var kommunemann. Born: Andres 1883-1959 bonde på Viljugrein, Margit 1884-1903-19, Birgit 1888 d, Anne tvilingssystema 1888-1920-32, Birgit 1891-1969 dreiv forretning i Oslo, Ambjørg 1894-1907-13, Barbo 1896-1954 budde heime, Knut 1898 g m Birgit Ålstveit f 1902, har bygt seg hus og driv Evjen pensjonat (80-26). Andres overtok garden g 1913 m Oline Sveinsdtr Jordheim 1889-1959: Guro 1913 (sjå Granmo 80-30), Trond 1917 har bygt seg hus på vestsida av elva (sjå Vestvang 80-25), Gunhild 1920 g m Ola O. Vøllo 85-3, Svein 1920 d tviling, Svein 1923 bonde på Viljugrein, Margit 1923 tviling g 1970 m kjøpmann Kristian Langehaug, busett i Oslo, Asbjørn 1927 tekniskar g 1961 m lærar Aud Kornstad frå Åsnes, bur i Bærum (har ein gut og ei jente). - Andres var kommunemann. Han kjøpte ny støl av O. M. Ødegård på Ershøvd i 1930. Dei slutta å sitja på Kljæe kring 1950, men støla på Ershøvd til i 1964. Sea då har dei hatt kyrne heime og på heimstølen Fagerset om sommaren. Andres dyrka opp ein del jord burti Øyno og på Ershøvd og Fagerset. Bygde nye uthus 1912 og kårstugu 1914. Svein fekk garden g 1953 m Emma nordre Finset f 1930. Svein er kommunemann og formann i forliksrådet. Borna til Svein og Emma: Anders 1955, Oddny 1958, Marry 1964. Svein har

bygt nye bustadhus i 1962, nytt fjøs på Fagerset og vølt om husa heime og på stølane. Har ogso dyrka upp ein del ny jord. - Det var utskiftning mellom Viljugreinsgardane 1950-52.

Nordre Viljugrein

Gnr 80, bnr 3, Inr 650. På Viljugrein.

Det er noko ugreitt med rekkjefølgja i den eldste tida. Ein Arne Sjugurdson nordre Viljugrein er nemnd i 1745. - So er det ein Tomas Knutson Viljugrein, som seinare budde på Bakke. Han var g 1) m Birgit Viljugrein. Etter skiftebrev av 1754 hadde dei tre born: Knut d 1753 (g 1748 m Kari Torkjellsdtr, dei hadde: *Henrik* 1748, *Margit* 1751), Kari d.e. d 1767, 43 år gamal, ho var g m Jakob Tomasson Bakke, Kari d.y. g m Torgeir Tomasson Krokji. Torstein vart g 2) m Anne Helgesdtr d 1766, 50 år gamal. Etter kyrkjeboka og skifteprotokollane hadde dei 6 born: Barbo 1726 d før 1766, Goar (Gudvor) ukjent fødselsår, Helge 1734 d før 1766, Birgit 1742 g 1766 m Henrik Haug (bestefar til «Krikka»), Ola ukjent fødselsår d før 1766, Øli 1750. Om ein Jakob Viljugrein blir det berre sagt at han hadde två døtrar: Jørønd 1694, Ambjørg 1697. Har han hatt fleire born, må dei vera fødte før 1693 då kyrkjebøkene byrjar. - Kan hende den *Nils* Jakobson som var bonde på søre garden, var son til denne Jakob. Han hadde mellom andre born ein son *Hans* Nilsson g 1744 m Ingerid Torleivsdtr d 1792, ca 82 år gamal, båe er fødte i Boyesentida. «De var mine tipoldeforeldre. Jeg er den tredje Hans i den rekke» (HF). Dei andre borna var *Barbo* 1745, *Sunnev* 1747, *Liv* 1750 (hadde ein son: *Nils* 1780 med Ola Bjørnson Støle), *Nils* 1753 (hadde ei dotter: *Ingerid* 1779 m Ingerid I. Tuv), *Torleiv* 1757-1831-74 rutte og bygde på Flaten i Lio, *Sigrid* 1763 (hadde ein son: *Hans* 1789-1847-58 med Jon Strønden, han budde i Presthaugji i Lio), *Jørønd* 1765, *Jartrud* 1768. Det ser ikkje ut til at nokon av desse borna kom til å bu på Viljugrein. Men det kom ein huslyd frå Lien dit: Tomas Eivindson og Ingerid Torleivdtr (sjå Lien 89-4). So har me Ola Olson Viljugrein, han kom ifrå Grøndale, g 1) 1787 m Anne Olsdtr. Dei hadde: Ingeleiv 1788, Ola 1790, Anne 1792. - Ola vart g 2) 1793 m Guro Herbrandsdtr Venåse f 1757. Dei hadde: Anne 1794, Ambjørg 1796. Deretter har me på Viljugrein Arne Knutson Tuv 1778-1864-86 g 1) m Ingerid Andresdtr Trøym 1786-1806-20. Barnlause. Arne vart g 2) m Anne Olsdtr Finnset 1782-1840-58. Dei hadde: Ingerid 1809-90-81 g m Ola E. Høvdae, Ambjørg 1811-89 fekk garden, Margit 1814-98-84 g m Ola O. Kariset, Rangdi 1818-90-72 g m Sjugurd og so Knut Tuv, Margit 1822-1904-82 g m Andres søre Viljugrein. Arne var ein velvaksen kar, blir det fortalt. Han hadde digre legger, var rund over okslene og med ei kraftig bringe. Ei nyårsmese kom det ein nordbygding, som folk kalla «Bjølla», full ifrå kyrkjun. Han gav seg til uti garde på Viljugrein, gikk og maka seg som ein kåt ukse og sende bod inn til Arne at han vilde dragast. Arne var då ein gamal mann. Seint om sider kom Arne ruggande ut. «Det æ bære du reise heim att,» sa Arne. «Nei, no vil e dragast,» sa «Bjølla». «Ja, so ta de godt tak då,» sa Arne. Dei tok broketak. Arne reiv «Bjølla» overende, broka hans revna, og Arne elta han i snøhaugen til han skjemde ut broka på ein endå verre måte. Det var berre so vidt «Bjølla» vann å krea seg heim att. Men år og alder kan ingen stå seg imot. Arne veikna og låg til sengs på slutten. Ein dag han sto opp og skulde gå over golvet, rulla han overende og var død med det sama. Ambjørg fekk garden g 1832 m Per Olson Hulbak 1802-80-78. Dei var barnlause, og Andres på søre Viljugrein kjøpte garden. Sonen Arne 1860-1939 fekk nordre Viljugrein. Han vart g 1886 m Anne Sveinsdtr søre Lien 1862-1951. Borna til Arne og Anne: Margit 1887 g 1914 m Ola T. Kirkebøen (sjå Skogli 61-23), Kari 1888 g 1911 m Ola O. Tuv (sjå 81-9), Andres 1890 lærar fleire stader, sist på Nakkerud, Tyristrand, g 1921 m Bertha Aamodt, båe er døde no (hadde två søner), Svein 1893-1963 bonde på Viljugrein, Ambjørg 1895-1906-11, Anne 1897 g 1924 m Ola O. søre Jordheim (64-1), Maria 1900 sjukesyster, har hus i Oslo, Karoline 1903 g 1923 m Endre Sveinson Skolt, dei har gard og bur i Svinndal, Østfold (har 2 gjenter og 3 gutar), Ambjørg 1908 g 1938 m pensjonateigar Sigurd Opheim (no død) i Tørpo (har ein gut og ei gjente), Barbro 1910 g 1936 m Per Løvehaug, som bygde Vangen Pensjonat (80-18). - Arne bygde nye uthus 1914. Svein tok over garden g 1933 m Aslaug Marie Kartnes frå Rakkestad f 1907. Born: Arne 1934 bonde på Viljugrein, Anne Sofie 1936 g 1962 m maskinreparatør Sigleiv Riise frå Hardanger, dei har bygt seg hus i Gol (har ei gjente og ein gut), Helge 1937 lærar på Notodden g 1969 m lærar Anne Mathilde Næss frå Kvelde (dei har två gjenter), *Astrid Synnøve* 1941, som døydde eit halvt år gamal, *Astrid Synnøve* 1943, hjelpeleiar på Ringerike sjukehus, og *Solveig Marie* 1944, adjunkt i Vikersund. Etter utskiftningen mellom Viljugreinsgardane i 1950-52 fløtte Svein ut og bygde nye hus lenger ned på eigedomen, bustadhus 1952, uthus 1953, stabbur 1960. Bygde ogso ny stølsbu på Kljåe. Aslaug er kristeleg interessert og har vore formann i kvinneforeininga i mange år. Arne fekk garden g 1962 m Anne Marie Randem frå Eidsberg i Østfold f 1939: Svein Helge 1962, Jorunn 1965. Arne har bygt nytt fjøs og hytte på Fagerset. Har dyrka upp ein del jord og selt eit tomtfelt på vestsida av elva. - Dei sat på langstølen Kljåen til sommaren 1962. Har no kyrne heime og på heimstølen Fagerset om sommaren.

Viljugreinshaugen

Gnr 80, bnr 7. Nedlagt bruk. Vanleg kalla berre: Haugen.

Her budde Mekkel Jehanson Viljugrein f 1736 og g 1765 m Kari Sjugurdsdtr Hallbjørshus 1747-1822-75: Margit 1766, Jehans 1767, Sjugurd 1768, Sjugurd 1773, Margit 1782. So har me Ivar Eivindson Høvdæ g m Kari Herbrandsdtr Vøllø, dei budde her og på Vølla 85-2 (sjå der). Ogso Ørnulv Herbrandson g m Guro Olsdtr budde her ei tid og elles ymse andre stader (sjå Sletto 67-16). Vidare har me Bjørn Andresson Vøllø 1792-1826-34 g 1822 m enkje Sigrd Olsdtr Brandvøl 1783-1864-81. Ho hadde før vore g m Ola Tomasson Kariset. Bjørn og Sigrd hadde: Ola 1822 bonde på Viljugreins-haugji, Bjørn 1826 g 1855 m Birgit Aslesdtr Løstegard frå Gol. - Sigrd vart g for tredje gong 1827 m Per Person Viljugrein 1791-1855-64. Dei var barnlause. Per hadde vore handelskar. Han var av det slaget som skulde leggje seg burti alt som hadde med fyryklæ-departementet (kvennfølkarbeidet) å gjera, er det fortalt. Når kona var ferdig med veven, var han der straks for å mæle av hausen og sjå kor mykje ho hadde vove. Då Per fall burt i 1855, var det svær auksjon etter han, og sers mykje lausøyre. Ola, son til Bjørn og Sigrd, fekk garden g 1842 m Margit Hansdtr Trøym f 1816: Ola 1843, Per 1844, Bjørn 1847, Hans 1850, Andres 1852. Heile huslyden drog til Amerika 1853, og eigedomen vart då kjøpt av Ingvar Venåse (sjå 90-2), som selde han att til Andres søre Viljugrein.

Rese

Gnr 80, bnr 1, lnr 649 a. På Rese.

Garden er visstnok i si tid utskilt frå Viljugrein. Det er fyrst nemnt ein Per Olson Rese, som døydde i 1810, 76 år gamal. Han var g m Guri Hansdtr Hølle 1769-1810-41. Dei hadde: Ola 1790-1848-58 bonde på Rese, Hans 1792-1831-39, Anne 1794, Margit 1796, Margit 1798 g m Aslak Hallsteinson Bakke, Kari 1802 (hadde ein son: *Ola* 1831 med ein Mons Trondson frå Hadeland), Margit 1805 (med sønene: *Hans* Pålson 1832 og *Per* Helgeson 1837), Ola 1807, Birgit 1810 d. Ola d.e. fekk garden g 1812 m Margit Ingvarsdtr Grøndale (86-11) 1793-1836-43: Per 1813-14-1, Per 1815-83-68 bonde på Rese, Guri ca 1817-75-58, Ingvar 1819 d ung, Ingvar 1821-33-12, Ola 1823-33-10, Hans 1825 d ung, Svein 1828-33-5, Hans 1830 g 1853 m Margit Herbrandsdtr Venåse d.e. (dei budde i Venåse ei tid og reiste så til Amerika, i Hemsedal hadde dei: *Margit* 1853, *Kari* 1855, *Ola* 1857, *Herbrand* 1859), Ola 1832-33-1, Ingvar 1834-1900-66 bonde på Hustad. - Ola Rese kalla dei alltid Resemann. Per fekk garden g 1838 m Anne Knutsdtr Torset 1819-1905-86. Anne var kjend for å vera god til å styre og stelle sitt hus. Ein skjemtegauk hadde laga dette rimet om henne i eit lag (bryllup): «Ho Anne Rese va kji god i hødne taka, ho vilde følge skulde maten smaka.» Ho døydde av brystkreft. Per på si side var ein velmeinande og hjartegod mann. Han sende pengar til folk som han visste det var smått for. Han var ogso ein av dei fyrste i bygden til å bryte upp og nydyrke jord. Born: Ola 1839-1907-68 bonde på Rese, Knut 1841-86-42 g m Rangdi Trøym, Margit 1843-85-42 g m Ola Løvehaugji, Ingebjørg 1846-61-15, Ola 1848-90-42 handelskar, ugift, Per 1851-1908-57 bonde i Sjøheim og sea i Lier, Rangdi 1854 g m Knut Venåse, bonde på Hære i Snarum, Guri 1857-1909-52 g m Ola Ullsåk på Jordheim, Andres 1861 bonde på Buksegarde i Gol g m Borghild Embriksdtr Tunnhøvd. Ola d.e. fekk garden g 1877 m Karen Knutsdtr Wendelbo Bø 1853-1934 frå Lærdal. Ho hadde vore budeie hjå far sin, som leigde hamnerett på Viljugreinsstøle, nemmaste stølen til Resastøle. Dei fekk desse borna: Anne 1878 g m Sjugurd Tuv, Per 1879-1963 bonde på Rese, Birgit 1881-1974 g m lærar Otto Sletten, Ingebjørg 1883-1972 (med dotter: *Karen* 1910) g 1913 m skreddar Jon Helle, dei busette seg i Kjellstad i Lier, Knut 1886 d, Knut 1887 busette seg i Oslo, Oline 1891-1974 g m Nils Brennhovd frå Gol, som var styrar for Tuv samvirkeleg ei tid, sea tilsett hjå Brødrene Dobloug i Oslo (born: *Ivar Olav*, overlækjar på Radiumhospitalet, *Knut, Berit Marie*), Karoline 1893 g m Nils Purkestad, Margit 1895 g 1926 m handelskar Vilhelm Anderdal 1888-1973, dei budde på Rese og stelte for Per. Born: Kari 1926 sjukesyster g m ingeniør Gunnar Støeng i Oslo (barnlause), Olav 1927, Karen 1929, Brita 1932 d. Per hadde garden ei tid, han var ugift og testamenterte garden til systerdottera Karen Anderdal i 1961. Ho selde han att til broren Olav, som no er bonde på Rese. Han bygde nytt bustadhus 1962. Rese har langstøl i Mørkedale og heimstøl på Fagerset. Til Fagerset (blir uttala: Fageset) vart det lagt ny veg for nokre år sea.

Øyne

Nedlagt bruk under Viljugrein.

Øyne låg like ut for Viljugrein. Det er spor etter ei ætterekkje. Men dei er skrivne for Viljugrein, og det er vandt å veta om dei budde på sjølve garden eller på eit eller anna underbruk. Det byrjar med Torleiv Person Støle f 1711 g 1737 m Barbo Tomasdtr d 1778. Ho er venteleg fødd i Boyesentida. Dei budde på Kariset ei tid. Her på Kariset budde det ein Tomas som i 1725 hadde ei dotter med namnet Gunhild. Kan hende han har hatt ei dotter til, ei odelsgjente som heitte Barbo, som Torleiv vart g m og fekk

Kariset med henne I 1745 er dei skrivne for Viljugrein og i 1778 for Kariset. Borna til Torleiv og Barbo: Birgit 1738 d før 1778, Tomas 1741-1801-60 budde på eit Viljugreinsbruk, Margit 1743 d før 1778, Ingebjørg 1745, Olaug 1750 d før 1778, Dis 1752-75-23, Per 1754-84-30 g 1777 m Mari Jørgensdtr Venåse, Ola 1754 tviling, Dis 1758 d før 1778, Anne 1761-1852-91 legdslem, Ola d.y. 1763 g 1788 budde på Vøllo, Bjørn 1765. Tomas Torleivson Viljugreinseigo (Øyn) g 1778 m Liv Knutsdtr Vøllo f 1753: Tor. leiv 1779-1867-88 bonde i Øyn, kalla «Øyningen», Barbo 1781 (med son: Knut Trondson 1810-81-71 bonde i Groset), Birgit 1784, Knut 1786, Per 1789-1851-62 budde på Øndredal, Birgit 1798-1883-85 døydde i Høgehaugji (sjå Kvene 67-11). Tomas hadde ei dotter med Kari Hansdtr Tuv før ekteskapet: *Margit* 1773. Torleiv, «Øyningen» dei kalla, vart i 1808 g m Ingerid Larsdtr Tubbn 1782-1842-60: Liv 1809-1901-92 g 1843 m Asle Endreson Øyn (Øndredal), ho hadde før ekteskapet sonen: Lars Halvorson f 1837, slo seg ned som snikker i Gol, bonde på Stakabrøta, Sigrid 1811-97-86 g m Torleiv Olson Tubbn, Ingerid 1814, Barbo 1818-1901-83 g m Bjørn Sjøheim d.e. Sigrid vart g 1834 m Torleiv Tubbn frå Grøndale 1814-53-39. Dei budde i Sjøheim ei tid, og der døydde Torleiv. Etter at han fall burt, budde huslyden i ei stugu på Sletthaugs grunn som dei kalla: I Huse. Torleiv var ein sprek kar i ungdomen, so sprek at han tok haren på spranget. Etterpå vart han heitande Hara-Tølleiv. Torleiv vart kjend med Sigrid, og ei natt han var der, kom det ein annan gut og vilde inn. Han var son til ein dei kalla «Primosten». Med guten sto og prata, sa Sigrid: «A ko det du prima ette!» Guten svara: «Det æ gødt primet med når'n fær harakjøtt attåt!» - Borna til Torleiv og Sigrid: Ola 1837-39-2, Ingerid 1840-91-51 ugift, flink til å saume (brodere), Guri 1842-1914-72 ugift, Margit 1845-1922-72 (med son utanfor ekteskap: *Ola* Torson 1877 bonde i Venåse), Liv 1848 ugift, Torleiv 1853 rta der han vart g m Anne Arnesdtr Finnset. Den siste brukar i Øyn var Torstein Eivindson Purkestad 1820-74-54 g 1843 m Ingebjørg Olsdtr Løvehaugji i Venåse 1808. Torstein dreiv fyrst som bonde på Purkestad, men fekk det ikkje til å løne seg, og kom so til Øyn. Endå han sat på eit småbruk, fødde han støtt hest. Sleit med lasekøyring til Drammen for handelskarane. Dersom han kom til å selja hesten sin, fekk han ikkje fred før han fekk kjøpt seg att hest. Han var ein sers tølig og godmodig mann. «Jeg hørte en sa om ham da han hadde været gift i over 20 år, at han hadde ikke sagt et skarpt ord til kona si. Det er behagelig å ha noget godt å skrive om bortfarne folk. Det er helst fanteri og vondska, som holder sig i sagn i lang tid. Det ser ut som det gode har lettere for å glemmes end det onde. Torsteins sønn Eivind, skomaker, var en sprek og førse kar. Jeg så han engang sprettet sig over en høi grind, frisk og lett som en fisk» (HF). Borna til Torstein og Ingebjørg: Eivind 1845 gift i Amerika med ei dotter til Ola Torsethaga, Ola 1848 bonde ei tid på Øygarde under Øndredal, Guro 1853 g m Jon Mykleset frå Gol. Då Torstein var død, reiste både Ingebjørg og borna til Amerika.

Vestvang

Gnr 80, bnr 25. Ny bustad.

Eigar: Trond Viljugrein. Han brukar sitt eige ættenamn. Då Svein Viljugrein (80-4) tok over garden, fekk Trond - som var den eldste - eit jordstykke vesta åne og bygde åt seg der. Han driv som røyrleggjar.

Granmo

Gnr 80, bnr 30. Ny bustad.

Eigar: Guro og Margit Viljugrein (søre). Tomta er kjøpt frå nordre Viljugrein. Guro f 1913 er kokke på Bygdaheimen, Margit f 1923 vart g 1970 m kjøpmann Kristian Langehaug i Oslo og er busett der.

Andre huslydar under Viljugrein:

1. Anfin og Sigrid Viljugrein: Ivar 1704 g 1732 m Guri Hallsteinsdtr (sjå Vøllo 85), Barbo 1707.
2. Torleiv og Barbo Viljugrein: Sunnev 1710.
3. Tomas Knutson Viljugrein: Guor 1725, Sigrid 1727 g m Ola Aslakson Lien, Mons 1735 (hadde ei dotter med Kari Sørensdtr: *Margit* 1756).
4. Jon Viljugrein med dotter: Sigrid 1745.
5. Ein Jehans Nilsson d 1753 budde på Viljugrein og på Bakke (sjå Bakke).
6. Hallstein, son til Jehans, budde på Viljugrein g 1746 m Gnnhild Tomasdtr Kariset f 1724: Mons 1749, Barbo 1751, Jehans 1754 g 1779 m Margit Olsdtr, Tomas 1756-1828-72 bonde på Kariset, Ola 1758-73-15, Tore 1761, Aslak 1763-1851-88 bonde på øvre Bakke, Nils 1765, Mekkel 1769-1852-83 bonde på Lauvset.
7. Mons Hallsteinson Viljugrein f 1749 vart g 1773 m Kari Halvorsdtr Hustad f 1753: Gunhild 1774, Margit 1796.
8. Jehans Hallsteinson f 1754 vart g 1779 m Margit Olsdtr: Margit 1778, Ola 1882.

9. Arne Sjugurdson Viljugrein g 1757 m Birgit Torleivsdtr (frå Berg f 1735): Ola 1758, Torleiv 1761, Velgjerd 1764, Guro 1767, Barbo 1770, Anne 1774, Torleiv 1782.

10. Hans Olson Viljugrein g 1806 m Guri Sveinsdtr, enkje etter Sjugurd Person Venåse.

11. Ei Mari Andresdtr Viljugrein g 1824 m Ola Mekkelson Uppheim frå Ål. Må ha vore innadørs på Viljugrein. Ukjende elles.

Andre døde på Viljugrein: Mekkel Mekkelsons barn 1697. Birgit Olsdtr 1732, 50 år Anne Knutsdtr 1765, 95 år. Guro Viljugrein 1766, 73 år. Anne Olsdtr 1792, 36 år. Ingerid Torleivsdtr 1792, 82 år (var g 1744).

Nedre Tuv

Gnr 81 bnr 2, lnr 654. På nedre Tuv.

Den 9. september 1679 var det skiftesamling hjå Svein Henrikson Tuv etter kona hans, Kari Gunnvaldsdtr som døydde i desember 1675. Dei hadde desse borna: Nils budde fyrst på Fausko, sea på Tuv, har, Torstein, Torleiv, Henrik d 1741, 8 år gamal, Birgit. Bygdelensmann Hans Trøym styrde skiftesamlinga, og takstmenn var Finnkjell Brandvøl og Ingvar Hallbjørshus. Svein Tuv døydde i 1708, 91 år gamal. Nils d 1741, 85 år gamal, budde fyrst på Fausko, men fekk so foreldre garden Tuv. Birgit, kona hans, døydde i 1750, 85 år gamal. Dei hadde: Andres, Kari 1693, Velgjerd 1695, Sebjørg 1698, Eivind 1701-70-69 g 1728 m enkje Margit P. Høvdae, Anne 1703, Gunvor 1705 d, Svein 1706, Ola 1708 bonde på Kyrkjebøn, Hans 1710 g 1744 m enkje Anne Olsdtr Hølle, Tor 1719-37-18. Nils Tuv må ha vore ein vyrd mann i bygden. Ved dåpen til dottera Sebjørg var sjølvaste prestefrua, fru Bloch, fadder, seiest det. Sonen Andres fekk garden g 1725 m Margit Knutsdtr d 1749. Ho var visstnok trå Valdres. I skifteprotokoll X, fol. 83 står det at Semle i Aurdal av skyld 18 skinn på skiftet etter Margit Knutsdtr er utluta på enkjemannen Andres Nilsson og hans 3 søner og 2 døtrar. Han fekk alto so Semle etter kona si og må venteleg vera fløtt dit, for i eit skiftebrev av 1761 vedkomande øvre og nedre Tuv og Semle i Valdres blir han kalla Andres Nilsson Semle. Sonen Knut, som var 23 år ved skiftet i 1749, fekk nedre Tuv og broren Ola øvre Tuv. Andres døydde i sin beste alder. Knut vart bonde på nedre Tuv 1749 og vart sama året g m Anne Andresdtr Torset 1731-72-41. Ved skiftet etter Anne 1772 var det uppteljing både på Tuv og på Semle, og skøytet på Semle av 1761 er nemnt. Borna til Knut og Anne: Margit 1750-1833-83 fekk garden, Andres 1752 d ung, er nemnd i skiftet etter mor si 1772, Gunvor 1758, Birgit ca 1760-1839 ca 79 g 1787 m Ola E. Haug på Hulbak, Kari ca 1763 g 1787 m Per Haug på Vøllø, Rangdi 1767, Harbo 1769-1858-89 g m Knut Haug i Lien. Her var det alto tre systrar som vart gift med tre brør. - Knut vart g 2) 1774 m enkje Ambjørg K. Høvdae. Dei hadde: Anne 1775 uppkalla etter fyrste kona, g 1796 m Ola Arneson Finnset, Arne 1778-1864-86 bonde på Viljugrein, uppkalla etter fyrste mannen til Ambjørg. Odelsgjenta Margit fekk garden og vart g 1775 m Sjugurd Trondson Grøndale 1750-1833-83. Margit og Sjugurd hadde desse borna: Nils 1776, Anne 1778 g 1806 m Knut Bjørnson Støle, Gunvor 1780-1849-69 g 1811 m Hans Andresson Trøym, Trond 1782-1870-88 bonde på Nedre Tuv, Knut 1784-1842-58 ugift, med i krigen 1814, Sigrid 1786-ca 1866-ca 80 g 1808 m Knut P. Grøv (56-4), Ola 1789-1871-82 bonde på Øndredal, Nils 1791, Andres 1793, Kari 1795, Kari 1798-1883-85 g 1823 m Eirik Hulbak. Trond overtok garden g 1) 1810 m Ingerid Olsdtr Hesla, som døydde i barnseng 1812, 22 år gamal, barnet døydde ogso, straks etterpå: Sjugurd 1812 d. - Trond vart g 2) 1815 m enkje Margit Knutsdtr Grøndale frå Imre. Dei hadde: Ingerid 1816-20-4, Margit 1818-22-4, Sjugurd 1820-48-28 bonde på Tuv, Andres 1823-1903-80 bonde på Viljugrein, Nils 1827-76-49 bonde på Brandvøl. - Trond var ein velståande mann. Kring Tuv, som var midstaden for Nordbygden, rak det folk av alle slag. Det er fortalt ein spasasi om ein tjuv frå bygden.

Knut Bjøbergo kom til Tuv med skyss. Sleden med ei fin holkasvepe vart ståande ute på tunet. Tjuven fata svepa, gikk inn til Trond og selde henne for ei mark. Trond læste ho inn i stolphuset sitt, men tjuven sto skotra og fekk sjå kvar han gøymde lykelen. So snart Trond var faren, læste tjuven seg inn og tok att svepa, likeso ein kurv og ein brødleiv. Gikk so upp i øvre garden, lånte ei panne, stakk inn i fjøset der dei hadde varme på, og steikte åt seg. Om eit bel kom Trond til stolphuset og fekk sjå at svepa var burte. Han ut for å leite etter tjuven og fann han i fjøset, der han nettupp heldt på og skrapte panna. Tjuven rømde ut makardøra og gøymde seg under låven. Endå til sama dagen kom tjuven inn att endå ein gong hjå Trond og stal ein muskeskjære, som han selde til far sin nedpå Tuvbrun. For dette og andre pelementer, kom tjuven på «huset» (arresthuset på Nes). Sjugurd fekk garden g 1841 m Rangdi Arnesdtr Viljugrein 1818-90-72: Trond 1841-1918-77 bonde på Tuv, Arne 1842 bonde på Ullsåk, Sjugurd 1844-1917-73 bonde på Kyrkjebøn, Knut 1847 d, Margit 1848 g 1874 m Knut O. Støle d.e. Rangdi vart g 2) 1850 m Knut Olson Imre 1818-1902-84. Dei hadde: Liv 1851-1925-74 g 1878 m Ingvar E. Ullsåk, Anne 1854 g 1884 m Ola Eivindson Grøndale, Anne i 856-67-11, Ola 1861-64-3, Ambjørg 1864 g m lærar og klokkar Sjugurd Viljugrein, Gol.

Trond fekk garden g 1869 m Birgit Knutsdtr Bjøbergo d.e. 1848-1919-71: Sjugurd 1869-1909-40 bonde på Tuv, Knut 1872 g m Ingerid O. Fausko rtA, Ola 1874 bonde på Støle, handelskar, Rangdi 1877 d, Rangdi 1878-86-8, Ragnhild 1881-86-5, Knut 1883-86-3, alle desse tre sistnemnde strauk med av strupehoste (krupp), Knut 1886-87-1, Rangdi 1889-93-4, Ragnhild tvilingsystera 1889 d, Knut 1894-1947 g 1918 m Gunvor Olsdtr Sletthaug 1885-1951, dei var mykje med i kristeleg verksemd, styrde i fire år ein barneheim på Voss, kom so til Hemsedal att, fekk seg tomt og bygde åt seg på Sletthaug, og der tok dei til seg foreldreause born, som dei fostra til dei vart konfirmerte, og Gunvor hadde eit serskilt lag til å ta seg av desse. Sjølve var dei barnause (OR). Sjugurd fekk garden g 1898 m Anne Olsdtr Rese 1878-1954. «Sjugurd var en begavet mann og innehadde mange kommunale hverv. Jeg lærte godt å kjenne hans sjels fine og ædle tenkemåte. Og jeg var en av de mange som beklaget dypt hans tidlige bortgang. Han så alltid noget blek og veik ut. så fikk han tæring. Var en tid på Lyster sanatorium, men det hjalp ikke. Siste sommer var han på stølen, men hans helbred gikk nu fort nedover. Søndagskveld 17. oktober 1909 sluknet han. Samme dag bad prest Rynning en gripende forbøn for ham fra prekestolen ved messe i Hemsedal. Jeg må si at utenfor min slekt var det intet dødsfall som gikk mig mer til hjertet enn Sjugurd Tuv`s. Jeg vet hvad det var for en smerte for ham å måtte beskikke sitt hus så tidlig. Rives bort fra sin familie, som han elsket så høyt. Og måtte slite sønder de mange sterke tråder som ellers bandt ham til livet. I sin ungdom åpnet han engang for mig døren til sitt tankeliv, og jeg så inn i et hjerte der var blandet med glede og bekymring. Han syntes han fant best ord for sine tanker i Welhavens dikt til Ole Bull, hvorom Bjørnson sa at det var av det vakreste i europeisk diktning. Det heter her: Han stod og lyttet en Sommerkveld, og havde stemt sine Strenge, da gik Akkorden fra Skov og Fjeld og over dugge de Enge og alle Strenge klang dertil med underbare Toner, som Drosdens Kluk og Nøkkens Spil og Sus af Birkekroner. Det er den deiligste Strængeklang, der letter Længselens Vinger; da nynner Hjertet sin egen sang, mens Strængen bæver og klinger. Der er ei savn, der er ei Nag, som ei hans Stræng kan lindre; han vækker med sit Trylleslag en Vaardag i dit Indre.» (HF). «Jeg så ham første gang under en prostevisitas i Gol. Når ingen andre kunne svare, var det hans tur til å løse flokene. På sitt sykeleie ble han en troende kristen. Da han merket dødens komme, rakte han hånden til sin hustru og sa: No får e fara i Jesu nabn!» (OR). Borna til Sjugurd og Anne: Birgit 1899 bur hjå Knut, systerson sin på Bergheim 81-11, Trond 1900 bonde på Tuv, Karoline 1901 g 1920 m handelsmann Henrik Hagen frå Ål, budde i Lier, seinare Nedre Eiker (born: 1 gjente, 3 gutar, Ola 1903-10, Knut 1905, Olav 1908-38 døydd ved ei drukkingsulykke), Signe 1910 g 1951 m Jakob K. Holde (72-1). I 1953 vart nedre Tuv delt mellom Trond og Knut. Knut fløtte vestom Grøndøla, bygde åt seg der og kalla det *Bergheim* (81-11). Trond fekk farsgarden g 1944 m Oline Kirkebøen f 1916. Born: Syver 1945, Anne 1947 g 1966 m Knut O. Grøthe (63-1), Birgit 1948 g 1967 m Kåre Syversbråten, dei har bygt åt seg på Skogajordet (Haugheim 68-44), Knut 1952 buss-sjåfør i Oslo. - Trond har dyrka upp mykje jord både heime og på heimstølen Slette. Bygde nytt bustadhus 1937, nye uthus 1939, stølsbu og hytte på Sletten og stølsbu og fjøs på langstølen Føssen. alt i 1924 fekk han seg revefarm, ein av dei fyrste i landet. Seinare tok han til med mink og driv med pelsdyr enno. Sonen Syver bur heime på garden g 1967 m Haldis Riber f 1944 frå Hardanger: Tronn Inge 1970, Øyvind 1974. Dei bygde seg nytt bustadhus 1968.

Øvre Tuv

Gnr 81, bnr 1, lnr 653. På øvre Tuv.

I skattematrikkelen av 1647 er det nemnt ein *Amund* og ein *Niels Thouff*. Garden var skattlagd som halvgard og skatta med 2 løbel til Nes prestebol. Manntalet 1664-66 nemner ein *Niels*, 32 år gamal, og ein *Svend Tu* - som namnet er skrivi - 33 år gamal. Dei fyrste som kyrkjebøkene nemner, er Torstein og Ragnhild Tuv g 1706 med borna: Kari 1706, Anne 1707, Svein 1708 og Torjus 1712. So har me Ola Andresson frå nedre Tuv 1733-1813-80 som eigar av øvre garden g m Margit Herbrandsdtr Torset d.e. f 1737. Ekteskapet var barnlaust. I 1801 er han gift att med ei Barbo Olsdtr, då er han 69 og ho 25 år. Ogso dette ekteskapet var barnlaust. Då Ola var død, gifta Barbo seg att 1814 med Jul Andresson Semle frå Aurdal. Barbo døydde i barnseng 1815, men barnet levde: Barbo 1815-17-2. I 1827 vart Jul gift att og då med tenestegjenta si, Gudlaug Knutsdtr frå Storøyn under Breidøkk i Gol, d 1870, 84 år gamal. Jul døydde i 1838, so Gudlaug sat enkje i 32 år. Før ho kom til Tuv, hadde ho tent hjå Hans Nielsen Hauge på Bredtvedt. Jul hadde som enkjemann vorte kjend litegrand med ei gjente i Ål, og ein vinterdag snugga han seg til for å reise dit og trulove seg. Tenestguten skulde vera med. Dei var komne ut i svala med kvar si skreppe på ryggen, hadde tenkt å gå beinste over fjellet. Men so tok det til med snødrev. Dei vart ståande å vente eit bel, men været vart verre og verre, so dei måtte gje upp turen. So fekk Jul det for seg at han like godt kunna gifte seg med Gudlaug, og so fekk det blåse som det vilde. Gudlaug var haugianar og eit fromt menneske. Haugianarane i Hemsedal og tilreisande frå andre bygdalag var ofte innom på Tuv for å prate med Gudlaug om åndelege ting. Ho hadde eit godt og oppmuntrande ord til alle. Sistpå låg ho tilsengs i fleire år. Ho hadde bra livaure og heldt støtt tenest-

gjente. «Mor tjente hos henne i fire år fra våren 1845 til høsten 1849 og fra om høsten 1857 til ved kyndesmess 1858, da hun flyttet til Flaten. Sistpå tjente Sigrd Halvorsdtr Ullsåk hos Gudlaug i mange år. Gudlaug døde 5. juli 1870. Hun og Trond i nedre gården var jo granner, og de blev det på kirkegården også. Torleiv Grimsgard på Nes fortalte at Gudlaug engang møtte prest Støren på Heslabroen. Støren sa: «Du kan bli en bra kone om du agter eldføret dit.» Eldføret var de saker man «slo i» varme av» (HF). - Jul var ein original. Ein haust med dei heldt på og skar, var han mjøllaus. Men Jul visste råd. Då onnegjenta gikk inn for å laga til dugurds, tok Jul med seg två kornband, gnudde kornet av i ei stor gryte som han hengde over varmen og turka. Gikk så burt i kverna ved bekken like ved og mol det. Det var ikkje kvernevatn då, men Jul drog kverna sjølv. Kom so innatt med mjølet passe til grautevatnet saud. - I 1838 selde Gudlaug garden til Svein Olson og Margit Nilsdtr Torset. Dei fekk ei gjente med dei budde der: Gudlaug 1839, uppkalla etter Gudlaug Tuv, men ho døydde tre veker gamal. Svein, «Storelesarn» dei kalla, og Margit kom seinare til Ullsåk (sjå 62-10). Ola Olson Øndredal 1819-1902-83, som alltid vart kalla Tuven, g ca 1841 m Birgit Nilsdtr Fystro i Valdres d 1891, 74 år gamal, tok att Tuv ved odelssøksmal, for Birgit hadde odelsrett til garden. Dei fekk skyss-stasjon i 1852 og hadde denne til i 1880-åra, då fekk Fausko han i 15 år. So vart han fløtt til den nye garden vestre Tuv, og sea til Embrik Fekjo på Bruvølle, derifrå til Skogstad. «Tuv er et godt Skydsskifte i Fjældbygden,» sto det i ei reisehandbok 1872. Borna til Ola og Birgit: Jul 1842-53-11, Margit 1844-46-2, Ola 1846 bonde på Tuv, Margit 1848 g 1872 m Trond Olson Brandvøl, Anne 1851 g 1875 m Steingrim Løstegard, Granheim, Kari 1854 g 1879 m Torleiv Torleivson Glomsrud i Gol, Ragnhild 1856 døydde på Brandvøl kring 1905, kring 49 år gamal, Nils 1859-61-2, Margit 1861 d, Nils 1864 bonde på garden Lien i Tørpo der landbruksskulen for fjellbygdene vart sett i gang 1922, Nils fall tidleg burt. Ola fekk garden g 1874 m Margit Knutsdtr Hølle d.y.: Birgit 1875 g m Mekkel Rusto (77-1), Ingerid 1877 g m Eirik Hulbak (78-2), Margit 1880 g m Herbrand Snerte, som kom til Grøto (fyrst 63-11 og so 63-19), Ola 1883 har vestre Tuv (81-9), Nils 1886 og tvilingbroren Knut 1886-1968, som fekk foreldre garden, Ola 1888 kvalfangar g 1912 m Randine Strandebråten i Sigdal, Ingebjørg 1891 g 1910 m Ola Olson Sveinsgard i Tørpo, Jakob 1894-1970, Maria 1899-1910. - Nils og Jakob kjøpte vestre Tuv 81-9 (sjå der) av Ola bror sin. Knut fekk garden g 1918 m Anne Nilsdtr Fekjo 1895-1969: Margit 1918 g 1944 m bonde Svein Løstegård i Gol (dei har fire gjenter), Maria 1922 g 1955 m Per O. Langehaug (54-7), Ola 1924 bonde på Tuv, Nils 1928 g 1967 m Marit Hansen, Bråthen, Tofte i Hurum, dei har bygt åt seg på Fekjo (Syngerberg 72-24), Olav 1932 lærar i Lillesand g 1961 m sjukeyster Eldrid Sanne frå Jæren (har ein gut og ei gjente), Kjell-Magne 1936 heradsagronom i Svelvik g 1967 m lærarinne Kjersti Kåsa frå Bø i Telemark (har ei gjente og ein gut). Knut bygde nye uthus 1934 og loftsbygning 1937, fløtte stølsbua på heimstølen (Bjørnebergstølen) lenger ned og bygde fjøs der 1928, og har dyrka upp ein del der og på langstølen Søteli. Ola tok over garden i 1955. Kommunemann. I 1958 kjøpte han garden Fekjo 72-2 etter morbror sin og driv baa gardane samen. Har dyrka upp ein del på Fekjo og mykje på heimstølen. Bygde nytt bustadshus 1955 og utvida og reparerte på uthusa 1963. Og elles har han vølt om husa på stølane og bygt ei hytte på Fekjo.

Vestre Tuv

Gnr 81, bnr 9.

Ola Olson Tuv (sjå 81-1) 1883-1954 bygde åt seg på Vestre Tuv, dei kalla, g 1911 m Kari Arnesdtr nordre Viljugrein 1888-1971. Dei hadde skyss-stasjon og telefonsentral nokre år. Born: Margit 1912, Ole 1913 bonde på Rørvik i Rakkestad, Arne 1916 hadde vestre Tuv frå 1955 til han fall burt i 1970, Anne 1918-20, Anne 1921 g m Reidar Myhre i Vestfossen (dei har två gjenter og ein gut), Olav 1923 bonde på vestre Tuv, Andres 1925-55, Svein 1928 statsautorisert revisor g m Randi Lovise Erland frå Haugesund, dei er busette i Oslo (har tre gjenter). - Ei stor sorg råma denne huslyden i 1920. Om våren den 25. mai vart den halvtanna år gamle Anne burte for dei, og alt dei leitte, fann dei henne ikkje att. Truleg hadde ho tulla seg burtåt elva og falle uti, så vårflaumen tok henne. «Det er trist når tanken ikke engang har en grav å dvele ved, så man kan si til sine venner: Kom og se stedet hvor de la henne (Matt. 28, 6» (HF). - I 1927 selde dei garden til Nils og Jakob Tuv og kjøpte att Rørvik i Rakkestad, som sonen Ola no har. Men dei vart ikkje verande her for resten av levetida. I 1952 kjøpte dei att vestre Tuv. (Jakob Tuv f 1894 døydde i 1969, og Nils lever på Bygdaheimen.) Olav, tilsett som tollinspektør i Drammen, kjøpte garden i 1973. Han vart g 1946 m Åse Synnøve Karlsen. Born: Ole Willy 1946, han er reidskapssekretær g m Kirsten Marian Espenes (dei har två gjenter), Kari Marte 1950 sjukepleiar. *Andre døde på Tuv:*

Tor Nilsson 1737, 20 år gamal. Inge Helgesdtr Tuvseigo 1778, 10 år. Tomas Knutson 1773, 85 år. Gunvor Knutsdtr 1781. Betlar Margit Aslesdtr 1773, 45 år. Margit Herbrandsdtr 1792, 65 år. Legdslem Tomas Person 1813, 82 år.

Strønde

På Strønden. Nedlagt bygselbruk, høyrde ei tid under vestre Tuv 81-9.

I 1801 er det nemnt ei Magelin Tomasdtr Tuv, då 95 år gamal, ho budde kan hende på Strønden. Ho bar eit sjeldsynt namn, kan hende ho var innflyttar. Ei Margit Strønden døydde i 1760 seier kyrkjebøkene. So har me ein Oddmnd Ingvarson Grøndale f 1736 g 1) 1761 m Ingerid Monsdtr Brandvøl på Tuv f 1735, dei budde kan hende på Strønden. Dei hadde sonen: Ingvar 1762. Oddmund vart g 2) 1766 m Sigrid Knutsdtr Lien f 1744: Margit 1767. Mekkel Helgeson Hustad g m Helgæ Torleivsdtr Hulbak 1732-1810-78 budde på Strønden og seinare på Hustad 79-2 (sjå der). Seinare budde på Strønden Jon Hansson (son av Hans Olson og Olaug Jonsdtr i Gronke) g 1773 m Anne Olsdtr Imre 1748-1815-67: Barbo 1774, Olaug 1775, Ingerid 1777-1809-32 g 1809 m Torleiv Person Strønden, Hans 1780, Barbo 1783 g 1814 m Nils Olson Tuv. Nils var berre tilhaldar på Tuv og fløtte åt Grøndale straks etter giftarmalet. Om Jon blir det fortalt (av Mehlum) at då han var lauskar, brukte han å bryggje juleøl åt seg sjøl. Ei julehelg hadde andre drukke upp juleølet hans alt fyrste juledagen. Då han andag jul kom ned i kjellaren for å tappe øl, var tunna tom. Jon tok det frå den morosame sida, heiste tunna upp og sa: «ølet kan kji vara evindele!» Sea vart dette ei herme i Hallingdal: «ølet kan kji vara evindele, sa 'n Jon Strønden, kasta upp tunna andag.» Etter Jon budde Torleiv Person på Strønden g 1) 1809 m Ingerid Jonsdtr Strønden 1777-1809-32. Kvar han var ifrå, er uvisst. Han vart g 2) 1810 m Rangdi Larsdtr Tubbun 1788-1877-89. Ho sette livet til i ei jordskriu på langstøle sine i Mørekvamsdale 18. juli 1877. Torleiv og Rangdi hadde: Per 1812-73-61 bonde på Strønden og seinare i Støyte, Ingerid 1815-96-81 g 1841 m Tore Person Bergo rtA, Sigrid 1818 (hadde ein son med Arne Helgeson Berg: *Knut* 1846), Mari 1824 g 1844 m Torstein Gudtormson Furuhaugo rtA, dei hadde i Hemsedal: *Ingebjørg* 1846 d, *Ingebjørg* 1848. Per hadde Strønde og Støyten, g 1840 m Kirsti Vilhjeldsdtr Støyte 1812-79-67. Dei hadde Strønde på bygselsrett til mor si, men då Rangdi strauk med, for ogso bygselsretten. Etter den tid hadde dei berre Støyten. Born: Torleiv 1843-99-56, Rangdi 1845 d, Vilhjelm 1847-1918-71 bonde på Brandvøl. Vest for Grøndøla like ved Tuvsbrune og nordover moen der var det før allmenning. Dei kalla det *Tuvsbakkjin* og heiter so enno, endå det ikkje er nokon bakke å rekne for, berre ein elvebard. Her vart det reist ein krull med hus. Fyrst bygde Tomas Olson øygarde (Kariset) landhandleri her: *Bruheim* dei kalla. Det var i 1887. Seinare vart skulehuset fløtt hit. So bygde Embrik Fekjo landhandleri og bustadhus her: *Bruvøllen*. Likeeins fekk Nordbygdens Handelslag husvære her. So var det vestre Tuv, og nordafor der att bygde Eirik Purkestad. Endeleg bygde kommunen ei stugu der åt Jørgen og Mari Bakko, «*Maristugo*» dei kalla.

Bruvøllen

Gnr 80, bnr 8. På Bruvølle.

Skriveform: Bruvold.

På Tuvsbakka straks nord for brua bygde Tomas Olson øygarde (Kariset) eit landhandleri i 1887 (*Bruheim*). Då Tomas slutta kring 1908 vart handelen overteken av Embrik nørdrø Fekjo 1875-1959 g m Maria Olsdtr Fausko f 1879, som hadde bygt åt seg på Tuvsbakka. Dei kjøpte attåt ein del jord so dei fekk seg ein gard her, som vart kalla: *Bruvøllen* (*Bruvold*). Som stølar nytta dei Høllebakkjin og Storeskar. Turisthotellet, som dei åtte på Storeskar, selde dei i 1949 til Mari Sandaker frå Flå. Embrik og Maria var sers driftige og gjestfrie folk. Maria, som alltid har vore kalla Maria på Bakka, er enno i sin høge alder, frisk og rødig og klar i tanken. Born: Oskar 1900 har garden, Barbo 1909 g m bakar sander Storla i Gol (barnlause), Olav 1915 g m Ingebjørg Embre (sjå Fvang 66-6), Margit Kristine 1917 g m Hans Sverre, Oslo (har ein gut), Margrethe 1921 g m Eivind Larsen, Oslo (har ein gut og ei jente). - Huslyden har nytta *Fekene* som ættenamn. Oskar overtok eigedomen, g 1927 m Birgit Trøim f 1906. Dei kjøpte Fjellheim Hotell 1934 av Eirik og Kristi Huso (sjå Fjellheim 81-10). Oskar var ein av dei fyrste rutebil-sjåførane i Hemsedal. Born: Ellen Marie 1928 g m sjåfør Ola Wøllo (sjå Skogheim 80-35), Randi 1929 g m maskinsetjar øvind Jahren, Oslo (har tvågjenter), Erik 1931 hovmeister g m Sunniva Røkke frå Sør-Trøndelag (har tvågjenter), Bjarne 1933 sjåfør g m Mina Berget (sjå Bjarnebu 68-50), Odd 1933 sjåfør g m Gunhild Bakken frå Gol, dei bur på Bruvold. Born: Gunnbjørg 1962, Marianne 1965.

Skulehuset på Tuv

Gnr 80, bnr 19 og 20.

Det fyrste skulehuset for Tuv skulekrins vart bygt på øvre Tuvs grunn. Det sto norda bekken like neda Grøndalsvegen. Der byrja *Torleiv Gudtormson Jordheim* skulearbeidet sitt. Etter han kom *Torbjørn Arneson Trageton*, *Sjugurd Olson Reinton*, *Ola Nestegård* og *Ola Larsson Isungset*, alle fire frå Hol. So kom *Engebret Sønstegard* frå Rakkestad og *Lasse Lasseson Mo* huset fløtt frå øvre Tuv til

Tuvsbakka. frå Lærdal. I Lasse Mo si tid vart skule«Trageton levde 25. februar 1840-23. april 1893. Var lærer i Tuv, Lio og Grøndal 1865-1874. En sjelden god lærer. Stø og solid i sitt foredrag, ikke et ord for meget, ikke et ord for litet. Solide kunnskaper. En pioner på skolens område i Hemsedal. Holdt god orden i sin skole. Folk sa han var streng. Men han var ikke for streng. Orden må det være. Han arbeidde under meget motbør fra folk som ikke hadde forutsetninger til å dømme sundt om skolens og opplysningens væsen og krav. Jeg hadde den lykke å få hele min skolegang 1866-1873 i hans lærertid. Jeg minnes ham med takk og ære. Jeg minnes ennu mangt et mannakorn av sannheter, som han sa oss. Best og vemodigst minnes jeg hans slutning ved dugurden de lørdager han sluttet skoleturene i Lio. Der kom et dypere alvor over ham, når han sammen med oss sang: Hjælp at din sunde lærdoms kraft i hjertet trolig gjemmes. Av Ordets brød og søde saft vår Salighet la fremmes. Ja, gjør oss slett fra synden død og ny igjen til himlen fød i troen frukt å bære» (HF).

Ole Næstegaard, som han skreiv seg, vart ein pioner for norsk misjon i China, men fekk ein tragisk livslagnad. Han opplevde bokseruppøret der ute, og dei redslane han då vart vitne til, var årsak til at hans sinnssjukdom braut ut, og denne sjukdomen knekte arbeidsevna hans. (Sjå meir om han i Rudvin: Indremisjonsselskapets historie I s. 472.) Etter Lasse Mo kom *Otto J. Sletten* som lærar i Tuv og Grøndalen skulekrinsar 1898-1937 (sjå elles Haugo 76-6). Det siste året vikarierte sonen Olav Sletten, som frå 1 juli 1937 vart fast tilsett som lærar i Tuv krins. Skulen var då tredelt, og borna gikk två dagar i veka på skulen, kvar klasse 12 veker i året, og det var berre ein lærar for alle tre klassane (sjå elles Hermtun 80-22). Nytt skulehus for både Tuv, Grøndalen og Lio krinsar vart bygt på vestsida av Evjo i 1949. Tomta vart kjøpt 1942, og skyldsett 8. oktober sama året (ein parsell undå Rese: 80-19 og ein parsell undå Viljugrein: 80-20, tilsamen 4147 kvadratmeter). Kjøpesummen var kr. 3317, 80 øre kvadratmeteren. Skulebygget kom på kr. 272 119 med ei netto utgift for kommunen på kr. 117040. Omfram tilskott fråstat og fylke gav arkitekt Torp ei gåve påkr. 4372. Den nye skulen vart teken i bruk 5. desember 1949, og det var ein stor dag for elevar og lærar då dei kunna marsjere frå den gamle til den nye skulen. «Gamleskulen», Otto J. Sletten, møtte ogso upp og ynskte til lykke med den nye skulen. Det gamle skulehuset på Tuvsbakka fekk krinsen kjøpt av kommunen for kr. 3000, og det blir no nytta til ymse møteverksemd i krinsen.

Nordbygdens Handelslag

No: *Hemsedal samvirkelag* - avd. Tuv. Gnr 81, bnr 5.

Handelslaget vart skipa 1913. Desse har vore styrarar: *Nils Brennhovd* frå Gol 1913-17, *Ole J. Trøim* 1917-18, *Henrik Hagen* frå Øyer 1918-20, *Endre Skolt* 1921-23, *Lars Juvet* frå Eggedal 1923-72, *Jens Moberget* frå Løten 1972 til no. Mange har gjort tenest i butikken ned gjennom åra, men två har vore der svært lenge: *Ole Helgesen* frå Numedal, som var fyrstebetjent i godt 40 år, og *Sigrid Støyten*, som har vore fast tilsett i 20 år og framleis er det. I 1928 vart namnet brigda til *Tuv samvirkelag*, og i 1930 fekk andelseigarane frå Trøym's krins skipa til ei underavdeling i Midtbygden: *Hemsedal Forbruksforening*. samvirkelaget for Tuv og Ullsåk gjekk samen om å kjøpe lastebil til varekøyning 1928, og i 1931 kjøpte dei mjølkebil. Tuv samvirkelag bygde ny butikk med bustader i 1950-åra. I 1970 gjekk alle samvirkelaga samen til eitt: *Hemsedal samvirkelag*.

Fjellheim Hemsedal Turisthotell.

Gnr 81, bnr 10.

Eirik Huso (sjå 89-2) 1887-1973 g m Kristi Grønset frå Gol bygde Fjellheim hotel 1926 og dreiv dette til dei selde det i 1934 til Oskar og Birgit Fekene (sjå Bruvøllen 80-8), reiste så til Jessheim og kjøpte gard der (born: tre gutar og ei jente). Før Eirik bygde Fjellheim, hadde han i fleire år drivi som drosjesjåfør. Dei nye eigarane kalla det *Fekene hotell*, vølte om og bygde på fleire gonger. Hotellet hadde god drift. I 1964 tok Erik og Sunniva over, bygde det ut til turisthotell med stort nybygg. I 1970 vart det ny eigar att, med di hotellet vart kjøpt av Per Christoffersen frå Oslo f 1935. Det har no fått namnet *Hemsedal Turisthotell*.

Bergheim

Gnr 81, bnr 11. *Ny bustad*.

Knut nedre Tuv f 1905 tok bureising 1937. Bygde gilde hus og dyrka i fyrste omgang 30 mål jord, har no 75 mål dyrka mark. G 1945 m Birgit O. Jordheim f 1912. Born: Syver Olav 1947 har no garden, Arne Oddmund 1951, Ragnhild 1958. Syver Olav tok over garden g 1969 m Ingerid Mørken f 1946. Stølar til garden er på Sletten og Tuvafosse, Mørekvam. Det er fortalt at Tuvafossen skal vera ein stølsrett som vart lagd til Tuv som utløyning for eit knivstikk. Birgit S. Tuv f 1899 bur på Bergheim. Ho er ugift.

Bruheim

Gnr 80, bnr 13.

Det var Tomas Olson øygarde (Kariset) som slo seg ned her i 1887 og opna landhandleri. Seinare var det Birgit Høvdæ 1873-1950 som budde her. Ho var g m Per Olson Løvehaugji 1872-1908-36, syskinbarnet sitt. Dei hadde fyrst ein gard ved Drammen, men då Per fall burt, fløtte Birgit til Hemsedal att med borna sine: Ola, Margit og Anne, som alle døydde unge, og Ingerid 1908-58. - Eigiar av Bruheim vart so Per Løvehaug (jfr. 81-11).

Mo

Gnr 80, bnr 14.

På Mo bygde Eirik Sjugurdson Purkestad 1865-1932 g 1893 m Ingeleiv Lassesdtr frå lærdal 1863-1943. Eirik var gråsteinsmurar, og Ingeleiv var ofte reikjering i gjestebod. Born: Birgit 1893-1965, Sjugurd 1895 (sjå Elvely 76-11), Lasse 1903 g 1943 m Ingeborg Grindheim frå Erdal, Johannes 1908-47 pelshandlar i Oslo g m Ruth Johansen 1915-74 (hadde ei gjente). Lasse og Ingeborg hadde bruket ei tid, men selde det i 1947 og fløtte til Erdal. Born: Egil Harald 1943, Kåre Inge 1946. Fingar Bakken frå Gol f 1902 g m Margrethe Riberg frå Eidfjord f 1902 kjøpte Mo i 1947. Born: Randi 1924 g m Nils Nilstad, Alfhild 1926 g m Alfred Rinden, Roverud (har ei gjente), Torbjørg 1928 g m Bjarne Henriksen, Oslo, barnlause, Fredhild 1942 g m Asle Kinnebergbråten frå Gol, dei er busette i Oslo (har ei gjente og ein gut). - Fingar har vore vegvaktar og er tildelt NAF's hedersmerke og medalje. Kommunemann. Brukar sitt eige ættenamn.

Vangen Pensjonat

Gnr 80, bnr 18 og 24.

Per Løvehaug bygde seg hus på Tuvsbakka 1937. I 1960-åra bygde han attåt og tok til med pensjonat, som ber namnet Vangen Pensjonat. Per 1909-75 vart g 1936 m Barbro søre Viljugrein f 1910. Han var bussjåfør for A/L Hemsedalsbilane i 20 år og frå 1953 disponent. Borna til Per og Barbro: Gerd 1938 g m siviløkonom Oddvar Bø frå Rennesøy, dei er busette i Oslo, Hans 1941 ingeniør, g m Solveig Hellum frå Stange, busette i Oslo (har 2 gutar), Astrid 1945 adjunkt.

Evjen Pensjonat

Gnr 80, bnr 26.

Eigar: Knut Viljugrein (jfr. Nørdre Viljugrein s. 339) g m Birgit Ålstveit 1932. Born: *Guro Bjørg* 1934, husmorskule, handelsskule, g 1960 m lokomotivfører *Rolf Flinterud* (dei har ei gjente: May Britt), *Trond* 1939 tilsett i Bankakademiet, g 1968 m *Åse By* (dei har ei gjente og ein gut: Ann og Bjørn).

Storeskar Fjellstue

Gnr 79, bnr 8.

Eigar no: Odd Sandaker frå Flå f 1937. Han overtok eigedomen etter Erik, far sin. G 1959 m Marianne Lorence frå Reine i Lofoten. Jfr. s. 441.

Elvely

Gnr 80, bnr 21. Snikkerverkstad. Bustadrom i andre høgda.

Eigar: byggmeister Halvor Grøndalen. Firmanamn: Grøndal og sønner. Halvor Grøndalen f 1911 g 1936 m Barbo Pedersdtr Fekene f 1915. Born: Bjørg 1937 gift og bur i Oslo, Oddvardt 1938 g 1965, er teknidar og bur i Drammen, Paul 1939 g 1965, er teknidar og bur i Fetsund, Birger 1942 (sjå Skogly 80-33), Herbjørn 1944 g 1971 bur i Oslo, Jarle 1946 (sjå Jarlingarheim 80-34), Sissel 1948 g m ingeniør Jan Stenersrød i Oslo, Rune 1957 bur heime.

Heimtun

Gnr 80, bnr 22. Ny bustad.

Bygd 1952 på tomt utskild frå Rese. Eigar: skulesjef Olav Sletten f 1913 g 1944 m Olaug Dokk Bjøberg f 1925. Born: Ottar 1945 jagarflygar i luftforsvaret f.t. Rygge, Bergfrid 1949 telefonistinne

ved Hemsedal sentral, Runar Olav 1965. - Olav Sletten vart tilsett som lærar ved Tuv skule 1936, sama året som Otto Sletten, far hans, gikk av for aldersgrensa. Frå 1-1-1938 tilsett som klokkar og organist ved Hemsedal kyrkje. Frå 1-7-1960 skuleinspektør (no: skulesjef) i Hemsedal.

Granlund

Gnr 80, bnr 31. Ny bustad.

Eigar: butikksjef Leif Juvet f 1933. Han bygde åt seg her i 1971. G 1955 m Margit Storejordet f 1933. Born: Liv Olaug 1955 ekspeditør i butikken til far sin, Kjell Ove 1956 tilsett i Hemsedal elektrisitetsforsyning.

Røggely

Gnr 80, bnr 32. Ny bustad.

Kommunal lærarbustad, bygt 1968. Her bur no lærar Birger Liahagen frå Gol f 1949 g 1972 m Torun Fredriksen frå Vingrom f 1950. Born: Herbjørn 1973, Kristin 1975. Birger Liahagen er lærar ved Tuv skule.

Skogly

Gnr 80, bnr 33. Ny bustad.

Bygt 1969. Eigar: byggmeister Birger Grøndalen f 1942 g 1968 m Signe Grøv f 1948. Born: Britt Hege 1968, Tone Lise 1971, Ole Henning 1975. Birger driv samene med far sin.

Jarlingarheim

Gnr 80, bnr 34. Ny bustad.

Bygt 1973. Eigar: byggmeister Jarle Grøndalen f 1946 g 1970 m Grete Karin Simonsen frå Askim. Born: Ronny 1970, Camilla 1972.

Skogheim

Gnr 80, bnr 35. Ny bustad.

Bygt 1970. Eigar: rutebilsjåfør hjå Hemsedalbilane Ola Wøllo f 1911 g 1952 m Ellen Marie Fekene f 1928. Born: Jan Ove 1952. - Ola vart kalla ut i krigen, møtte på Leira. Var med i heimefronten og køyrde mykje våpen og sprengstoff frå Gol. Eingong bala han med nokre kasser ammunisjon og våpen som var svært tunge, og tyskerane som heldt vakt på stasjonen, hjelpte til med å få dei opp på bilen.

Fausko

Gnr 82, bnr 1, lnr 555 og 556. På Fausko.

Før var det två Fauske-gardar, no ein, dessutan dei fråselde bruka: Bekkjivøllen (ogso kalla Kaparslette), Bekkjistad, Moen, Teigen og dertil fleire nyare bustader (sjå matrikelnr. under 82). Skattematrikkelen av 1647 nemner ein *Jacob Fusche*, og garden er då skattlagd som øydegard. Manntalet av 1664-66 har ein *Gullic Fusche*, 32 år, og garden er rekna som halvgard, dessutan ein husmann, *Knud Gudmandson* 60 år. Den fyrste kyrkjebøkene nemner, er ein Nils Fausko, som seinare budde på Tuv. So ein Helge Fausko m dotter: Guri 1702. Deretter Tomas og Anne Muren. Muren ein heimstøl til Fausko, so dei må venteleg ha budd der: Halvor 1703, Ågot 1706, Knut 1711 (g 1747 m Birgit Jakobsdtr og bonde på Vøllo). Vidare er nemnt Tomas Gudleikson og Ingebjørg Gautesdtr Fausko: Gudleik 1704 (fadder ved ein barnedåp i 1743), Embrik 1706, Jakob 1710. Ein Jakob Olson Markegølo, son av Ola Jakobson og Guro Persdtr vart bonde på Fausko.

Han arva 5 løbel i garden og kjøpte dei andre 4.

Han vart gift i Boyesentida, og i kyrkjeboka er det berre nemnt eit barn: Hans 1727 som vart bonde på Viljugrein og Vøllo, og i 1801 er han på Bakke. So har me Svein Jakobson Fausko g 1735 m Anne Nilsdtr. Dei budde på Vøllo seinare: Birgit 1735-1807-72 g m Per Ivarson Vøllo, Jakob 1738-1801-63 bonde på Vøllo, Liv 1744. Eirik Fausko g 1) m Margit Jakobsdtr søre Trøym 1709-53-44 hadde etter kyrkjebøkene og skiftebrev desse borna: Ola 1726 bonde på ein av Fauskegardane, Birgit 1731 g 1) m Ola Knutson Grøv, 2) m Ola Ivarson Ålrust, Odd 1734 budde på Ullsåk, Mekkel 1737 bonde på ein av Fauske-gardane, Guri 1738 g m Nils Andresson Lå i Borgund, Jakob 1743 d ung, Jakob 1745 d ung, Ola 1748 budde på eit Fauske-bruk, i 1801 på eit Hølle-bruk, Liv 1751. - Eirik vart g 2) 1754 m Anne Knutsdtr som døydd 1773, 67 år gamal. Ola Eirikson d.e. f 1726 vart g 1756 m Dis Persdtr. Dei

hadde: Per 1756, Eirik 1757, Margit 1758, Margit 1761, Per 1762 d, Margit 1765, Eirik 1767, Eirik 1768, Per 1770, Per 1771-(1854-83), Knut 1775. Dei fleste av desse borna må ha døytt ganske unge. Mekkel Eirikson f 1737 vart g m Birgit Hansdtr Eikre 1740-1803-63: Hans 1764, Margit 1767, Jæse 1770-1852-81 døydde fattig på Strønden, Margit 1772-1849-77 g m Ola Torsteinson, bonde på Fausko, Anne 1775 med son: *Mekkel* Embrikson 1810 d, Eirik 1779 bonde i Skøyte, med i krigen 1814. (Sjå «Hemsedal» s.148/158, der kalla Eirik Øndredal.) - Jæse tente uttafør i lang tid og for liten løn. Vart fattig og skral med helsun det siste. GamleEivind fortalde at ho i sin trengsel vart gudfryktig. Endå på sine gamle dagar sat ho eller låg ho og siterte frå barnelærdomen sin. Ho retta eingong det spørsmålet frå Pontoppidan til Gamle-Eivind: «Hvorpå kjendes et gudfryktig menneske» «Derpå at han hater og flyr synden,» svara han Gamle-Eivind. Han med kunna barnelærdomen sin. Ola Eirikson d.y. vart g 1778 m Birgit Larsdtr (ukjend heimstad), dei budde på eit Fauske-bruk fyrst, og i 1803 er dei på Syngerberg. Dei har: Margit 1778, Eirik 1790-1819-29 fraus ihel nordafor Bulien. Margit Mekkelsdtr d.y. vart som ovafor nemnt g m Ola Torsteinson 1763-1849-86, son til Torstein Olson Grøndale (var truleg frå Rusto f 1733) g m Anne Ingvarsdtr Grøndale f 1734. Margit og Ola styrde på Fausko og hadde: Birgit 1794 g 1) 1827 m Steingrim Lieigo i Gol, 2) 1857 m Ola Bjørnson Torset i Gol, Mekkel 1796 bonde på Fausko og i Fausketeigji, Anne 1800-75-75 g m Knut P. Vøllø på Sletten, Kari 1803 g 1828 m Ola Knutson Vøllø, Torstein 1806-75-69 bonde i Enda og på Vøllø, Halvor 1808 g 1837 m Anne Kristensdtr Vente. Mekkel fekk garden g 1829 m Birgit Halvorsdtr Løkji f 1801: Margit 1830 m son: *Tor* Aslakson 1856 rtA, Ola 1833 d, Kari 1834 g 1856 m Ola Helgeson Berg rtA, Birgit 1837-44-7, Liv 1840 g m Ola Trondson Brandvøl, bonde på Tubbun rtA. Mekkel og Birgit selde Fausko til Ola Jakobson Huso, Husen dei kalla, 1805-83-78. Mekkel tenkte på å reise til Amerika, men fekk ikkje plent hug på det heller. Budde som tilhaldar i Berg ei tid og kom se åt Fausketeigji. Med Ola Huso var på Fausko, døydde Jakob, far hans, der 1855, og likeso Birgit Nubsdtr, kona hans, 1856. Då Ingvar Venåse hadde kjøpt søre Fausko, vilde han få tak i nørde Fausko med. Han kjøpte odelsretten av son til Mekkel, og tok garden att på odel. Husen hadde gjeve 900 dalar for han og fekk att 1500. Endå kravde han overtakst og fekk litegrand til. Far min sa, at det hadde blit folkemening det, at ved overtakst kunde rekvirenten få kjøpesummen såpas forandret som taksten kom på. Så omtrent da» (HF). Ein Ola Eivindson g m Rangdi Endresdtr (d 1830, 97 år gamal) har truleg budd på denne garden. Born er ikkje nemnde. So budde det ein Jakob Olson der, d 1845, 87 år gamal (son av Ola Eirikson på nørde Fausko), g 1797 m Inga Toresdtr 1762-1846-84 (ho var dotter til eit ektepar som det ikkje er nemnt heimstad for: *Tore* Person og *Guro* Tomasdtr, som hadde borna: *Per* 1757 bonde på eit Venås-bruk, tvilingsystema *Ragna* 1757 og *Inga* 1762-1846-84 g m Jakob Fausko). Jakob og Inga hadde: Ola 1798-1802-4, Tore 1799 bonde på Fausko og på Bakko, rtA, Eirik 1800-02-2, Dis 1803, Ola 1805-89-84 bonde i Dekko, Eirik 1807 bonde på Bakke rtA. Skarre-Mari, ei gamal gjente frå Borgund som vanka i Hemsedal kvar sommar til kring 1874, fortalde eingong at ho var i slekt med Inga Fauske. Kan hende foreldra til Inga var komne frå eller hadde skylde i Borgund, Inga-namnet kan tyde på det, det var elles heller sjeldsynt i Hemsedal. Etter Jakob og Inga vart sonen Tore styrar på Fausko g 1826 m Kristi Knutsdtr Bakke f 1803: Jakob 1827-33-6, Knut 1829, Jakob 1834, Guri 1836, Ingvar 1837, Guri 1838-39-1 døydde i kveisun (målførenamnet på koppe-sjukdomen, kveise: byll), Ingvar 1842, Ola 1847.

Tore og Kristi bytte gardar med Ola Knutson Bakke, bror til Kristi. Men Tore greidde seg ikkje godt på Bakke heller og drog so til Amerika. Det sama gjorde Ola Bakke i 1851. Han budde sistpå i Goodhue i Minnesota, der han døydde i 1880, 70 år gamal. Kona Sigrid overlevde han og døydde 90 år gamal. Ingvar Venåse frå Løvehaugji 1814-1901-87 g m enkje Margit Eivindsdtr øygarde 1798-1886-88 f i Høvdæe kjøpte søre Fausko då Ola drog til Amerika. Han hadde drivi som fekar og tent mange pengar. Var ein av dei gløggaste skallane som har jaga naut ifrå Hemsedal. Han handla ogso med gardar. Då han kjøpte og selde att Brøto i Gol, tente han 700 dalar. Han styrde godt som bonde og. Når han sat rikta og prata, gjerne noko seindrøgt og taugalt, smetta han ofte inn spøk og ironi. Ein utbygding spurde han eingong kva den største mannen i Hemsedal heitte. «E trur dei kalle'n Røggjin,» svara Ingvar. (Røggjin er eit høgt fjell.) Han sto eingong og prata med ein mann frå Hemsedal som hadde vore på straff for tjuvri, og då denne spurde korleis det sto til i Hemsedal, svara Ingvar: «Dei slutta å stela dei are tjuvane med då du reiste.» - Ingvar og Margit hadde ein son: Ola 1842-1920-78, som overtok garden.

Ola vart g 1865 m Margit Knutsdtr Hølle d.e. 1845-1919-74. Han var ein flink forretningsmann. Starta landhandleri kring 1863 og dreiv dette til Tomas Kariset starta landhandleri på Tuvsbakka 1887. Kring 1880 bygde han hotell, som hadde god søkning i mange år. Mellom dei som budde der, kan nemnast professor J. A. Friis. Det var ogso skyss-stasjon der i nokre år. Ola var og ein mykje nytta mann i kommunen. So snart han var gamal nok, vilde folk få han inn i heradsstyret. Men so hadde han ikkje røysterett endå, med di han ikkje var jordeigar, faren sat endå med garden. Men han kjøpte halvparten av bruket *Kleven* i Gol, som i 1877 vart skyssstasjon og seinare kalla *Granheim*. So fekk han seg skøyte på det og vart valt. På tinget kalla ordførar Øystein Ro han i spøk for Ola helve Kleva.

Ola, som dei alltid kalla «Fausken», skreiv dokument for folk og gav dei rettleiing i mange ting. Han var ein opplyst mann. Borna til Ola og Margit: Margit 1865 g 1883 m Tore Eikre rtA 1903, Ingerid 1866 g m Knut Trondson Tuv d.e. rtA, Margrete 1868 (med son: *Ola* Arneson 1893) g m Ola Olson Fekjo, dei budde på Bekkjistad, Oline 1870 (med dotter: *Ragnhild* 1893-1914-21) g m Ola Jakobson Venåse, Ingebjørg 1872 g m Knut Arneson Berg, Karoline 1875 g m Sjugurd Olson Jordheim (i Hemsedal hadde dei: *Sunnev* 1895), Ingvar 1877 g m Margit Knutsdtr Trøym, busette seg i Lier (hadde i Hemsedal: *Oskar* 1898, *Margit* og *Rangdi* 1899, *Knut* 1901), Maria 1879 g m Embrik O. Fekjo, Knut 1881-85-4, Margit 1885 g 1911 m Torstein Løstegard i Gol, Knut 1887-1966 bonde på Fausko. Knut overtok garden g 1915 m Margit Jonsdtr Vøllø 1895-1953. Då Margit skulde fløta til Fausko, og heimafølgje sto ferdig utpå tunet, kom Jon med ein ny staseleg hestesæle og la på lasset til brudgomen. Dette skulde vera attpå. Det var slik Jon var. Han hadde eit romsleg syn og stort hjartelag. Borna til Knut og Margit: Margit 1916 g m Engebret Storebråten i Gol, dei har två gjenter og ein gut, er busette i Oslo, Marie 1918 g m Ottar Lund i Asker, barnlause, Ola 1921 har garden, John 1923 drosjeeigar, busett i Oslo, ugift, Ingvar 1925 busett i Oslo, g m Emma Flatjord, barnlause, Kåre 1927 busett i Oslo, ugift, Konrad 1929 g m Liv Rust, busett i Gol, har ein gut, Solveig 1935 g m Odd Graham, Oslo, dei har ei gjente. Ola overtok garden g 1953 m Margit S. Halbjørhus. Born: Knut 1955, Marit 1958. Stølane til Fausko er gått ut av bruk: Hyddalen 1936, Vabuleino 1954, Fjellstølen 1972.

Flatåker

Gnr 82, bnr 3. På Flatåker. Nyare bustad.

Torstein N. Vøllø 1882-1969 g 1930 m Margit Heggestad 1890-1955 kjøpte jord av Ola Fekjo og bygde seg ein heim der 1935-36, som han kalla Flatåker. Dei var barnlause. I 1967 kjøpte pelsdyrupprettar Emil Vøllø f 1920 Flatåker. Han er ugift.

Fauskemoen

Gnr 82, bnr 10, lnr 655 f. På Fauskemoe.

Her budde Helge Torsteinson Grøndale 1772-1851-79 bror av Ola Torsteinson nørde Fausko. Vart g 1811 m Sunnev Bjørnsdtr Høgehaugji 1783-1848-65: Anne 1811, Torstein 1812 bonde på Moe rtA, Bjørn 1816, Anne 1819 d, Anne 1820, Anne 1821 g 1848 m Per Person Moe under Øndredal, bonde i Vang, Valdres, Bjørn 1826 bonde i Rusten i Gol. Torstein fekk garden g 1842 m Anne Olsdtr nørde Venåsbakko f 1817: Helge 1843, g m Kari N. Skøltedøkken, Ola 1846 g m Guri Hallen, Sunnev 1849 d ung, Tomas 1853, Sunnev 1856 g m Trond Torkjellson Brandvøl, Ragnhild 1859. Heile huslyden reiste til Amerika og selde då Moen til Ola Håkonson Nedremyrseigo frå Hol. Ola vart g 1873 m Ingerid Bjørnsdtr Sjøheim f 1852. Reiste til Amerika og var der ei tid, men kom att og kjøpte Trøymshaugen. Ola var ein sers flink gråsteinsmurar og peismurar. Etter det han sjølv sa, hadde han mura kring 200 peisar i bygden og kring 100 stugumurar. Han mura ogso eit steinfjøs med kjellar under hjå Knut Markegølo. Born: Håkon 1874 vart verande i Amerika, Kari 1878 g 1920 m Helge Person på Sande ved Trøym, Bjørn 1881-82-1, Barbo 1883-86-3, Bjørn 1886 vart verande i Amerika, Herbrand 1888, Barbo 1890 g 1922 m Aslak Jordheim, Martin Selmer ca 1892 f i Amerika, vart bonde på Lauvset, Anne 1895 g m Johannes Fosli ved Vikersund, Jakob 1901. Ola og Ingerid selde Moen til Lars Bjørnson Sjøheim, bror til Ingerid. Lars 1857-1937 g 1890 m Ingerid Jonsdtr Hustad d.y. 1846-1932. Etter nokre år på Fauskemoe selde dei bruket att til Ola Eirikson Svingen frå Gol g 1901 m Birgit Halvorsdtr Rusto f 1869. Dei hadde: Eirik 1903 g 1925 m Karoline Grøndalshaugji (sjå Sletthaug 91-6).

Fausketeigen

Gnr 82, bnr 11, inr 656 g.

I Fausketeigji. Skriveform: Fausketeigen.

Ein Knut, son til Mekkel Helgeson Hustad og Helgæ Torleivsdtr, som vart g 1797 med ei Margit Olsdtr, budde på eit Kyrkjebønsbruk og i Venåse, og det kan vera at dei budde på Fausketeigji med ei tid. Knut vart kalla «Lakjin» (eller «Lakavergen») og skulde ha vore ei slåstkjempe. I alle fall budde två av sønene deira på Fausketeigji: Mekkel 1797-1886-89 og Ola 1801-85-84. Ola vart g 1830 m Helgæ Anfindtr Sletthaug 1811-88-77. Men dei hadde ikkje noko dokument på Teigen og måtte derifrå. Kommuna kjøpte eit hus åt dei av Ola Støle og sette det upp på Arne Finnsets eigedom like ved gamlevegen i Finnsethaga (kalla Hagjin eller Nordhagjin). Der budde Ola og Helgæ og nokre av borna: *Birgit* 1831, *Knut* 1833 vart gift i Vik i Sogn og budde der, *Margit* 1834, *Sunnev* 1837, *Dis* 1840, *Anfin* 1844-92-48 bonde på Tubbun i Grøndale, *Inga* 1847, *Ola* 1850 budde på Hønefoss og vart g m ei ifrå Ål. alle borna reiste ut or bygden so nær som han Anfin «Laka-Anfin»). Nokre av gjentene

reiste til Australia. Knut Mekkelson var skomakar, likeso Mekkel, son hans, som vart buande i Teigji. Dei vart samde om at han årleg skulde få ei tunne korn som vederlag for ein uviss odelsrett til garden. Mekkel gjorde eit serleg fint skopar, «som høve kem det kunna vera», som han sa. Det var meininga at ei gjente skulde ha fått det som «fystegåve», dersom han hadde vorte kjend med nokon. Men skoparet vart liggjande, plent som luva til Ingrid Sletten av Sillejord. Mekkel hadde den uvanen at han la til «dåbedi» etter siste setningen når han prata. Ingvar Fausko lovde han at han skulde få ein fjerdingsrull tobak dersom han slutta med dette. «Neimen om e ska sea dåbedi meir då lell, ska e kji dåbedi,» sa han, og dermed hadde han tapt vågemålet. Då Ola og Helgæ fløtte frå Fausketeigji, kom Mekkel og Birgit nordre Fausko dit. Son deira: Ola 1843-1923-80 fekk garden g 1863 m Sunnev Knutsdtr Fekjo 1836-1906-70. Ola var ein god peismurar. Ein lettsleg mann, glad og velnøgd. Born: Mekkel 1864-1955 bonde på Fausketeigji, Birgit 1867-1952 g 1900 m Ola Nilsson Brandvøl bonde på Bekkjivølle, Birgit 1870 g m Endre Trondson Jordheim rtA, Knut 1872 rtA, var heime att eit par gonger (1911, 1914), var valt til å bera fram gåva frå hemsedøler i Amerika ved jubileumsfesten i 1914 (om denne gåva sjå «Hemsedal» s.187/198), Ola 1874 rtA, Per 1878 rtA, Margit 1881 d. Mekkel overtok garden g 1897 m Margit Trondsdr Nygard 1865-1950. Dei var barnlause, og i 1942 selde dei garden til Nils Bekkevold. Mekkel og Margit høyrde til dei stille i landet, og var alltid glade og velnøgde. «Det æ godt nøkk,» hadde Mekkel som ordtak.

Bekkjivøllen

Gnr 82, bnr 7 og 14, inr 656 c.

på Bekkjivølle. Skriveform: Bekkevoll.

Det låg her eit gamalt bruk dei kalla Kaparslette, som vart nedlagt og låg øye i lang tid. Vart so oppattbyggt av smed og hjulmakar Ola Nilsson Brandvøl (83-3) 1859-1936 g 1900 m Birgit Olsdtr Fausketeigji d.e. 1867-1951: Margit 1902, Nils 1903 bonde på Bekkjivølle, Ola 1906 bygde seg hus på Moe, ugift, Margit 1909 bur på Bekkjivølle, ugift. - Ola Brandvøl på Bekkjivølle, Andres Hulbak og Ola Vøllo (Endevølle) var av dei siste som gikk på bjørnejakt i Hemsedal. Dei skaut bjørn både i Hyddale og i Vabuleino, den siste i 1890-åra. - Ola Brandvøl vart alltid kalla Smeen og Birgit Smea. Båe var snille, hjelpasame folk, gløgge og alltid i godlag. Nils vart g 1944 m Ragnhild Solheim. Han kjøpte Fauskemoen (82-10) av Erik Svingen og la Moen og Fausketeigen attåt Bekkjivølle til ein gard. Bygde uthus (1946) og bustadhus (1952) i Teigji, og ny bu, fjøs og ei hytte på heimstølen Flatsjø. Var med i heimestyrcane, kommunemann og skjønsmann. Har selt undå: två stølsvollar i Hyddale, två stølsbuer med tomt i Vabuleino, tre tomter på Fjellstøle, två tomter i Hallstein, ei bu med tomt på søre Helgeset, ei tomt på Flatsjø. Borna til Nils og Ragnhild: Odd Mikkel 1946, Birgit 1949. Bekkjivøllen slutta å bruke stølen sin i Hyddale 1936 og i Vabuleino 1954.

Bekkjistad

Gnr 82, bnr 21. Nyare bustad.

På Bekkjistad. Skriveform: Bekkestad.

Ligg nord for Fausko. Her bygde handelskar Ola Olson Fekjo 1868-1931 g 1895 m Margrete Olsdtr Fausko 1868-1962: Ola 1895 handelskar og bonde på Bekkjistad, ugift, Barbo 1902, Margit 1905 g m Ola O. Ødegård. - Margrete hadde ein son før ekteskapet: Ola Arneson 1893-1971, han rtA og døydde der.

Ola selde Bekkjistad 1967 til Alf Tømmervold frå Trondheim f 1930. Han vart g 1957 m Margrethe Ødegård. Dei bygde nytt hus 1968. Alf er maskinhaldar. Born: Odd Ivar 1958, Marianne 1962, Per Magnar 1965, Ole Bjørn 1971.

Steinsrud

Gnr 82, bnr 29. På Steinsrud. Nyare bustad.

Olav Brandvøl (83-2) 1880-1958 kjøpte jord av Fausko, sør for Fekjabekkji og hygde seg ein heim her i 1925-26 og kalla han Steinsrud. Olav var handverkar, ugift. I 1956 selde han Steinsrud til Oskar O. Vøllo (85-3) f 1916, handverkar og pelsdyreigar, ugift.

Rundåkeren

Gnr 82, bnr 32. Ny bustad.

Margit Heggstad (86-9) f 1901 kjøpte temt på Flatåker og bygde åt seg der 1968. Ugift.

Olav Bråten f 1940 g 1972 m Bjørg Mørken f 1943 bygde innåt og fekk seg husvære der 1973. Barn: May Kristin 1973.

Fjellstad

Gnr 82, bnr 45. På Fjellstad. Nyare bustad.

Trond Vøllo (85-1) f 1907 g 1944 m Anna Ellestad Øye frå Valdres f 1920 kjøpte tomt av Fausko og bygde seg husvære her 1952. Var rutebilsjåfør hjå A/L Hemsedalbilane frå 1929. Diplom og heidersteikn frå KNA. Aktiv skyttar. Elgjeger. Born: John 1945 sjømann g m Aasta Teigland frå Hardanger, Olav 1946 adjunkt, Magnar 1953.

Andre huslydar i Fauskegrenden:

Det sto eit usselt husvære nord og ned for søre Fausko, *Fjasahaugen* dei kalla. Asle Endreson øyn frå Øndredal budde der ei liten tid.

Nord ved Bergobekken var det eit bruk dei kalla *Klufte*. Ein veit berre om ein huslyd som budde der: Hans Mekkelson Fausko 1764-1832-68 g m Ingebjørg Olsdr d 1852, 80 år gamal. Ho var ifrå Borgund i Lærdal og nytta sognemålet. Dei hermde etter henne: «Två unga i skula, två æ i Berg, Hans æ på Tørset svarva, alt mao e stedla, gidje e hatt so mykje e kunna stedia det!» Med det sama datt det ned ei hylle med mange mjølkebaler på. Sistpå budde ho i eit hus nord for Fausko. Born: Eirik 1800, Endre 1802-09-7, Birgit 1806, Kari 1809 d. Eit ektepar dei kalla Knurre-Per og Knurre-Sunnev budde i eit husvære nord for Fausko. Kan hende dette var den Per Einarson f 1773, son til Einar Olson Ullsåk og enkje Birgit Sveinsdr Vøllo, som i 1806 vart g m Sunnev Ivarsdr Brandvøl f 1778, men ein kan ikkje vera heilt sikker på det. Dei hadde ei dotter: Anne 1806. Sunnev døydde fyrst. Likferdskvelden vart han Per drukken, seiest det, og sa då: «En annen igjen, en annen igjen, sa kyrkjyklukktun i dag.» Men det vart ingen «annen igjen». På eit Fauskebruk budde det ein Knut Person g 1) m Sunnev Hansdr. Dei hadde ein son: Per 1769. Knut vart g 2) m Mari Olsdr. Dei hadde: Ola 1776, Anne 1778 (då budde foreldra på Purkestad). Det er vidare nemnt ein Steingrim Eivindson Fausko 1725-97-72, son til Eivind Nilsson og Anne Knutsdr, gardsnamn ikkje nemnde. Endeleg er det ein soldat Per Eivindson Fauskeplasse d 1814, 40 år gamal. Han sette livet til oppå fjellet, men vart funnen att.

Andre døde på Fausko: Ingebjørg Olsdr Teigji 1831, 64 år gamal. Barn Birgit Olsdr Fausko 1833. Frilleson Per Person 1847. Legdslem Per Olson 1857, 80 år. Barn Andres Embrikson 1886.

Søre Brandvøl

Gnr 83, bnr 1, Inr 557 a.

Få Brannvøl (med tjukk l).

Skriveform: Brandvold eller Brandvoll.

Til denne grenda høyrer *Brannvølgardane*, *Bakke-gardane*, *Halle* og *Kroken* (nedlagd) og dei nyreiste bustadene *Elvely*, *Bakkerud* og *Brunsvoll*.

I skattematrikkelen av 1647 er det nemnt ein *Siu fuer Branduo lld* som «ejer selff derudj 11 løboel odell med bøxel», dessutan er det ein *Haluor* som har pantegods for 9 laupsbol. Garden er skattlagd som halvgard. - Månntalet for 1664-66 nemner två brukarar på Brandvøl: *Finkel* 40 år gamal og *Knud* 30 år, dei har ein halvpart kvar. Dessutan er det ein husmann: *Anders Øen* 60 år. Kyrkjebøkene nemner fyrst ein Mons Brandvøl, og etter han er det sama slekta som har vore på garden fram til notida. Mons hadde ein son: Sjugurd 1696, og ein Oddmund Monson er kan hende ogso hans son. Om det var fleire endå, kan ein ikkje (veta, for kyrkjebøkene tek ikkje til før i 1693. Men ein Torkjell som døydde i 1749, 76 år gamal, kan vonleg vera ein av den sama barneflokken. Han vart g m ei Rangdi, og dei hadde borna: Mons 1709-74-65 bonde på Brandvøl, Eivind 1712 (i Boyesentida), Sjugurd 1742 bonde på Øndredal (Øygarde). - Ovannemnde Oddmund vart g 1724 m Barbo Sjugurdsdr, og dei hadde: Sunnev 1725, Mons 1728-48-20.

Mons Torkjellson vart g m Margit Bjørnsdr. Dei heldt skifte i levande live på Grimsgard 1765 med Asle Torset, Torleiv Finnset, Knut og Jakob Purkestad, Hans Hølle, Knut Øndredal og Knut Tuv som takstmenn. Borna deira var: Margit 1734 g 1753 m Ola Bjørnson Støle, Ingerid 1735 d før 1765 g m ein Oddmund Ingvarson Grøndale, Torkjell 1738-1820-82 bonde på Brandvøl, Rangdi 1744 d. Torkjell vart g 1763 m Kari dotter til Jakob og Margit Skar. Dei fekk fire døtrar: . Ingerid 1764 fekk garden, Margit 1767 g 1788 m Per Knutson Trøym, Margit 1769 d, Margit 1775. Ingerid vart g 1783 m Ola Trondson Medgarde i Grøndale 1759-1833-74. Han fekk den gjæve odelsgjenta fordi han sjøl hadde arva 1000 dalar. Ola Embrikson Torset (61-1) 1769-1816 var ute etter Ingerid han og (og etter garden). Men Torkjell og Kari såg vel meir på pengane enn på mannen, det var ikkje uvanleg den tid. Dei två Ola-åne møttest ved kyrkja eingong. «Du va go te få tak i denne Brannvølgjenta du, tusenkaggjin,» sa Tørseten.

Ola og Ingerid fekk mange born: Sigrid 1783-1864-81 gift tre gonger, budde på Kariset og Viljugrein,

Kari 1786-1881-95 g 1812 m Vilhjelm M. Grøndale, bonde i Støyte, Margit 1788-1853-65 g 1832 m Knut Sølveson Trøymshaugo, Ingebjørg 1793-1860-67 g 1825 m Eirik Vøllø, Torkjell 1796-1887-91 bonde på Brandvøl, Trond 1799-1841-42 bonde sø på garde Brandvøl, Margit 1802-28-26 g 1827 m Mekkel Olson Grøndale, Kirsti 1805-83-78 g m Lars Markegølo. Ola delte garden mellom dei två sønene sine. Torkjell fekk hovudbølet, og Trond bygde åt seg lenger sør: Sø på garde, dei kalla. Som eit merkeleg treff kan det forteljast at Trond i kyrkjeboken står oppført som dåpsbarn nærmast etter Rangdi Løkji som kom til Skar. Båe kom til i 1796, og båe døydde i 1887 i den høge alder av 91 år. Og Knut, son til Torkjell, vart gift med Kari, dotter til Rangdi. Eingong Torkjell var i smiun, vart han so svevnut at han la seg til å sova. Då kom det ei fjørfesle inn i gapet på han og rann ned i magen. Han svelgde tobakssputt, so han døydde. Men ho heldt eit syndeleg leven før ho kreperte. Ein sommar før hadde han hogge av ei fjørfesle med han slo. Og den folketrua kom då upp at fjørfesla hadde skøytt seg att og hemnde seg på denne måten.

Torkjell vart g 1825 m Gunvor Persdtr Vøllø, men ho døydde om ikkje lenge. Torkjell fann seg då ei ny Gunvor, Gunvor Knutsdtr Finnset 1806-95-89. Dei hadde desse borna: Ola 1828 bonde på Brandvøl ei stutt tid og reiste so til Amerika, Knut 1830 bonde på Brandvøl, rtA, Trond 1833 d, Trond 1834 g m Sunnev Torsteinsdtr Fauskemoe rtA, Guro 1836-74-38 g 1859 m Eivind Grøndalshaugji, Ingerid 1839 d, Ingerid 1840-1914-74 g 1869 m Knut Olson Hjelme, Andres 1846 rtA. Ola hadde garden fyrst, g 1) 1858 m Olaug Embriksdtr Hjelme 1834-59-25. Dei fekk ei dotter: Gunvor 1859, men mora døydde i barnseng. Ola vart g 2) 1860 m Margit Knutsdtr Sletten i Lio 1832-61-29. Ho døydde ogso i barnseng. Margit var eit venesælt menneske. Før ho fløtte til Brandvøl, gikk ho til kvar gard i Lio og ba velleva. Og det vart eit velleva for alltid. Året etter døydde ho den 10. mai, fem dagar etter at ho hadde fått eit dødfødt barn. Ola vart also gift og två gonger enkjemann på fire år. Han rtA straks etter og overlet garden til Knut, bror sin.

Knut var ein skjønug mann med hug og dug for styre og stell i bygden. Men han fekk ein ublid lagnad. I 1864 vart han g m Kari Olsdtr Skar 1835-71-36. Ho døydde av tæring. Dei hadde två søner: Torkjell 1865 og Ola 1867. Dei dreiv landhandel på Ullsåk nokre år, der Eirik Langehaug kom sea. Kring 1892 reiste både Knut og sønene hans til Amerika. Garden selde dei til Vilhjelm Person Støyte 1847-1918-71 g 1887 m Kirsti Sjugurdsdtr Venåsbakko 1858-1941. Dermed kom Brandvøl ut or den gamle ætten. Men ikkje heilt: Kari Støyte og Torkjell Brandvøl var syskin, Kirsti Støyte og Knut Brandvøl syskinborn, Vilhjelm Støyte og Torkjell og Ola Brandvøl tremenningar. Garden kom soleis over på ei sideline. Både Vilhjelm og broren Torleiv døydde av kreft. Borna til Vilhjelm og Kirsti: Kirsti 1888 g 1925 m Knut Reiarstletten, Helene 1890 g 1921 m Lars Vente, Per 1892-1975 bonde på Brandvøl, Rangdi 1893 (sjå Elvely 90-50), Syver 1895 (sjå Brunsvoll 83-17), Ragnhild 1897 (sjå Elvely 90-50). Per overtok garden 1916 og vart sama året g m Birgit T. Grøndalshaugen. Har nydyrka ein god del, bygt nytt uthus og nye stølshus i Hyddale og på Helgeset. Born: Kirsti 1917 g 1946 m Ivar Ås frå Kongsvinger, busett i Oslo (har ei dotter), Vilhelm 1918 bonde på Brandvøl, Trond 1920-72 g 1947 m Aud sagbråten i Oslo, der han dreiv pelsforretning (dei hadde två gutar og ei gjente), Sigurd 1923 g 1955 m Oline Breidalen frå Kviteseid, bur i Oslo, der han er bygningssnikker (har två gutar og ei gjente), Kari 1925 g 1953 m Endre Finset (sjå Finnset 71-2), Helga 1927 g 1956 m Trygve Næss, Oslo (har två gutar og ei gjente). Vilhelm *overtok* garden 1948. Har ny dyrka ein god del og bygt nytt bustadhus og fjøs heime og stølsbu på Fjellstølo, der han har selt ei *hyttetomt* til Helga, syster si, og ei til Hans Hodtvedt, Skollenborg. Garden har ogso støl i Hyddale og på Helgeset. Vilhelm var med i krigs operasjonane i 1940 og sea i heimestyrkane. Har elles vore mykje med i det frilynde ungdomsarbeidet. - Fjellstølatn ligg i skogsbandet upp for nørdrø Helgeset. (Helgeset blir uttala med æ og tjukk l: Hælgæsæt.)

Brandvøl 83.2

Gnr 83, bnr 2, Inr 657 b.

Sø på garde Brannvøl.

Skriveform: Brandvold eller Brandvoll.

Då Ola søre Brandvøl hadde delt garden mellom dei två sønene sine, bygde Trond åt seg *Sø på garde*, som det vart kalla. Trond 1799-1841-42 vart g 1829 m Inge bjørg Knutsdtr Grøv 1809-99-90: Ola 1830 g 1856 m Kari Sveinsdtr Grøndalshaugji, budde i Valdres, Knut 1834 d, Knut 1835-39-4, Ola 1839-1922-83 g 1866 m Liv Mekkelstr Fausketeigji, fløtte til Valdres og reiste derifrå til Amerika, i Hemsedal hadde dei sonen: *Trond* 1865. Ola og Kari fløtte til Vang i Valdres i 1859, der dei kjøpte garden Bøland. Dei var barnlause. Ola og Liv hadde garden Grøv i Vang 1876-1900. I Amerika budde dei fyrst i Minnesota, so i Sør Dakota, men i 1904 fløtte dei til Canada. Dei var gifte i 51 år og hadde 5 born. Dottera *Ingebjørg* vart g m Ola Dekko frå Grøndale i Hemsedal. - Ingebjørg, enkja etter Trond, vart g att 1844 m Ola Jakobson Huso d.y., VesleHusen dei kalla 1816-83-67. Dei hadde: Anne 1845-1900-55 sinnssjuk, Trond 1847-1912-65 bonde på Brandvøl, Sigrid 1850-1917-67 g 1874 m Halvor

Mekkelson Grøndale. Trond fekk garden g 1872 m Margit O. Tuv 1848-1932: Ingebjørg 1873 g 1899 m Eivind B. Sjøheim, Ola 1876-1953 bonde på Brandvøl, Olav 1880 (sjå Steinsrud 82-29), Jakob 1883 g 1917 m Kari Trondsdr Fekjo, Birgit 1886 g 1916 m Ola P. Imre d.e. Ola *overtok* garden g 1913 m Guri Larsdr Jordheim 1871-1957: Trond 1914 bonde på Brandvøl. Ola var ein flink arbeidskar som nåva på seint og tidleg. Bygde nytt bustadhus og uthus heime og nye stølshus i Hyddale, på Fjellstølo og Helgeset og dyrka upp mykje jord. Ein stillfarande mann som gleda seg over alt som grodde og bar grøde. Han var ingen til mein. Trond *overtok* garden 1951, g sama året m Barbo A. Hersgard frå Gol. Har ny dyrka mykje jord. Har selt stølsbua i Hydale til Toralf Eng, Oslo, og stølsbua på Fjellstølo til dr. Bjørn Klevmark, Harestua. Berre stølen på Helgeset er no i bruk. Har selt tomt der til Engebret Vøllø, Nesbyen, og Odd Jøring, Oslo. Borna til Trond og Barbo: *Ola* 1951 g 1975 m Olveig Frøysok frå Gol f 1952, *Gudrun* 1952, *Gunhild* 1953, *Arnhild* 1954.

Nørdre Brandvøl

Gnr 83, bnr 3, Inr 658.

På nørdre Brannvøl.

Skriveform: *Brandvold* eller *Brandvoll*

Her er ikkje ættelina so grei som på søre Brandvøl. Det er huslydar frå fleire ætter, og det er ikkje visst om alle dei nemnde, budde på sjølve Brandvøl eller på eit underbruk. Den fyrst nemnde i kyrkjebøkene er Håkon Brandvøl med sonen: Jakob 1698. So har me Embrik Sjugurdson og Guri (eller Guro) Eiriksdtr Brandvøl g 1701: Kari 1702 (kan hende det var denne Kari som døydde i Venåse 1772, 70 år gamal), Sjugurd 1705 g 1727 m Ingerid Sjugurdsdr Grøto f 1697 (dei hadde ei dotter: *Guro* 1728), Magdalena 1709 g 1732 m Eivind Tomasson søre Lien. So kom Eivind Torkjellson frå søre Brandvøl 1712-82-70 g 1735 m Guri Knutsdr som døydde 1755, 42 år gamal: Guri 1736-85-49 ugift, Torkjell 1739, Knut 1743-44-1, Knut 1746 g 1772, bonde i Hallen. til skiftet etter Guri 1755 vart lausøyret verdsett til 42 rdl. Eivind la fram eit skøyte utferda av Lars Jonson Kyrkjebøn på 3 laupsbol gods i Brandvøl, og denne retten hadde han fått overdrege av far sin for i 20 rdl. Han kravde skiftet utsett. Då saka kom fram att, la han fram eit dokument av 15-6-1748 som synte at det var gjort kontrakt mellom han og Hans Nilsson i Høvdæ m.fl. der han fekk medhald i sitt syn. Til deling sette takstmennane eit verde på alt til 192 rdl. Enkjemannen fekk halvparten. Eivind gifta seg att sama året med Gunhild Jonsdr (f i Boyesentida). Born er ikkje nemnde. 50 er Siugurd Torkjellson, bror til Eivind, nemnd f 1724 g 1748 m Guro Jehandsdr (kan hende dotter til Jehans Bakke). Dei hadde ein son: Torkjell 1749-50-1. Vidare er nemnt ein Magnus Brandvøl, truleg feilskrivning for Mogens (dvs. Mons) som hadde ein son: Torkjell 1740. Torkjell Monsson Brandvøl som døydde 1770, 85 år gamal (er truleg ikkje Torkjell Monsson på søre Brandvøl, vart g i 752 m Kristi Olsdr (Kyrkjebøn). Born er ikkje nemnde. Ein Torkjell Eivindsson f 1739 var bonde på eit Brandvøl-bruk. Han vart g 1768 m Sigrd Helgesdr Berg f 1737: Eivind 1770, Helge 1772, Helge 1775-1802-27, Guri 1777, Guri 1779. Vidare er nemnt Ivar Ivarson Brandvøl 1776 m Sigrd Halvorsdr Hallen: Sunnev 1778 g 1806 m Per Einarson Venåseigo, Ivar 1780. So kjem Ivar Hansson Hølle til Brandvøl 1793. Han hadde før i mange år vore bonde på Vøllø. Han var f 1748 og vart g i) 1777 m Margit Trondsdr Grøndale 1757-82-25. Ho døydde i barnseng. Borna i dette ekteskapet er nemnde under Hølle 72-1. So vart Ivar g 2) 1784 m Ingerid Knutsdr (f 1757 i Skølt): Margit 1784, Anne 1786, Anne 1787, Knut 1789-1870-81 ugift, døydde i Nordigarde Grøndale, Ola 1791-1880-89 g 1825 m Margit Olsdr Torset (61-11) 1800-34-34, Nils 1793 bygde i Meiningen, Ulnes i Valdres (jfr. O. i. Kirkeberg: Minder fra Valdres, Decorah 1919 s. 156), Bjørn 1795, Margit 1797-1894-97 g m Ola Vesle-Jordheim, dei budde ei tid på Hølgjhaugji, so kom dei åt Vidden i Gol, der døydde Ola, og Margit kom attende til Hemsedal, ho døydde i Høgehaugji. Son deira var gardbrukar og bibelbod *Ivar Smelhus* 1826-1917 (sjå Rudvin: Indremisjonsselskapets historie I s.475). Dei 6 fyrste av denne barneflokken kom til på Vøllø, dei två siste på Brandvøl. Ingerid, mor deira, «var utsatt for en yderst rå strek av en yderst rå person. Hun fikk bære skammen all sin dag, han gikk fro og fri, skjønt han burde sitted på tukthus så lenge som hun bar skammen. Streken var så rå at den ligger under det litterære» (HF). Om barneflokken er elles å melde: *Ola* og *Margit* fløtte til Isfjorden i Romsdalen, kjøpte der nedre Dahle og skreiv seg deretter *Dahle*. Ola hadde fare i Romsdalen før på handelsreise samen med Jon Torset. Borna til Ola og Margit: *Ivar* 1826, *Maria* 1830, *Ola* 1832 g m Kirsti Kylling, dei kjøpte garden Hole og busette seg der. Margit døydde i fjorde barnseng etter at ho hadde født eit dødfødt barn. Ola gifta seg att 1837 med *Marit* Jørgensdr Holset frå Lesja. Born: *Markus* 1838-1915, oppkalla etter Margit, var misjonær i Sør-Afrika i mange år (eingong i 90-åra var han heim att i Noreg, gjesta då Hemsedal og heldt messe i kyrkja), *Ingerid* 1840, *Jørgen* 1844 rtA, *Olaus* 1846, lærar i Lærdal, bygde Mundal hotell i Fjærland, *Inger Anne* 1850. - Ogso *Bjørn* drog til Romsdalen, men det gikk nedover med han økonomisk. - *Knut* vart kalla «Druns» (ein druns: stor, tjukkfallen rugg som trør tungt). Heldt til innadørs i Medlien og på

Fausko, dei siste åra gikk han i legd. Var noko av ein spelfugl i ungdomen. Hadde ei lauskarbu i Medlien. Der bad han ofte gjenter inn til seg sommarsundagane og trakterte dei med spikjikkjøtt og brennevin. Siste øykta av livsdagen vart stussleg, men han var i godlag ogso då. Gikk i legd i Lio, Tuvsgrenden og Grøndale. Måtte stå og treskje på gardane om vinteren og rispe lauv om sommaren. Hadde sengklede med seg og litegrand gangklede, som han snørde i hop i ein tull og bar med seg når han fløtte frå eine garden til hin. Var den siste som gikk i legd i Lio. Folk tok til å stelle betre med legdafolket ved det belet, han *fekk* til og med pengar til tobakk. - Margit Dahle i Norsk Muslimmisjon, som ofte par vore i Hemsedal, er barnebarnsbarn til Ola og Margit Dahle. Hans 1779-1839-60, son til Ivar Hansen i fyrste ekteskapet, *fekk* Brandvøl. Vart g 1) 1809 m Birgit Persdtr (Grøv): Margit 1810-85-75 g m Gunnvald Berge i Lykkjun, Ingebjørg 1811-67-56 g m Tor Torson Bakke, Anne 1813, Sigrid 1818, Margit 1820 døydde i kveisun, Sigrid 1822-56-34 g 1855 m Ola Gautehaugji frå *Gol*, dei budde som tilhaldarar i Lykkjun ei tid, Sigrid døydde i barnseng, Birgit 1823-79-56 g m Ivar Træe i Grøndale. - Hans vart g 2; 1825 m Margit Persdtr Viljugrein: Per 1826-60-34 døydde i Træe i Grøndale, Kari 1829-94-65 g m Eivind Resabakko, Margit 1831-80-49 sinnssjuk, døydde i Berg, Ola 1834-91-57 sinnssjuk, døydde i Grøv, Eivind 1836 bonde i Skøltedøkken rtA, Margit ukjent fødselsår rtA. - Dessutan blir det oppgjeve at Hans hadde ein son Ivar i fyrste ekteskapet *f* 1819. Han fekk det mindre godt då far hans gifta seg oppatt, difor tok Ola Dahle, farbror hans, han til seg i 12-14 års alderen. Ivar vart g 1852 m *Brit* Ellingsdtr Innholmen. Han kjøpte seinare garden Gyldenskog, seinare kalla Lio, og tok deretter namnet Bredeli. Han har ei stor slekt etter seg (upplysning av Margit Dahle). - Ola kom i lag med nokre falskspealarar då han var på reise vestaffells. Dei let han vinne til å byrja med. Dermed vågde han større innsats. Og tapte. alle handelspengane han bar på seg, strauk med. Han sto att naken som nåla. *Og så mistet han vettet*» (HF). - Margit, kona til Hans, vart kalla «Hansa» og barneflokket «Hanse-lyden», «HanseKari», «Hanse-Margit» osv. Hans Ivarson vart ein gjeldbunden mann. Trond Tuv hadde pantepengar i Brandvøl, og då Hans ikkje kunna greie rentene, slo han på seg garden. Sonen Nils Trondson 1827-76-49 fekk han. Han vart g 1848 m Margit Eiriksdtr Hulbak 1827-1919-92: Trond 1849-1915-66 bonde på Brandvøl, ugift, Eirik 1851 d, Eirik 1852 bonde på nørde Finnset, Sjugurd 1857-1943, Margit 1856-1937, Ola 1859 bonde på Bekkjivølle, Andres 1862-1942 handelskar, Knut 1865-1957 bonde på Brandvøl. Trond hadde garden ei lang tid. Han døydde brått, rulla overende midt på golvet. Etter han overtok Knut styringa på garden. - Andres budde der som tilhaldar. Han vart g 1905 m Margit Botolvsdtr 1873-1911-38 dotter til Birgit Jonsdtr Hustad. Dei hadde: Margit 1906-26, Birgit 1908 g m Arne Berg (sjå der), Nils 1907 g 1935 m Anne K. Bakke *f* 1902. Nils overtok garden 1925. Har nydyrka mykje jord, bygt bustadhus og uthus heime og nye stølshus på Fjellstølo og Helgeset, dessutan hytter til utleige (den på Fjellstølo har sonen Knut overteke). Borna til Nils og Anne: Anders 1936 er heime, Knut 1938, Birgit 1940, Margrethe 1943, alle dei tre sistnemnde har kontorpost i Oslo.

BAKKE

Etter kyrkjebøkene har desse huslydane butt på øvre eller nedre Bakke: Rasmus Olson Bakke g 1) m ei Gunhild: Ingebjørg 1699, Ola 1703, Halvor 1705, Asle 1709-34-25. So vart Rasmus g 2) 1725 m ei Barbo Sveinsdtr. I skiftet etter Rasmus 13-6-1742 heiter det at han hadde två born med Gunhild: Tore og Ingebjørg. Tore må då vera fødd før innskriving i kyrkjebøkene, og Ola, Halvor og Asle må alle vera døde. Vidare blir den andre kona kalla Barbo Olsdtr og ikkje Sveinsdtr. Buet, som vart taksert av bygdelensmann Andres Torset og Halvor og Torleiv Bjørnson Løkji, var eit lite livarebu: 1 par sengklede, tre holkar med *fot*, 1 bytte, 1 øltunne, 3 ljå, 3 køllbytter, 1 lite spann, 3 trøg, 1 stort lås, 2 øksar, 1 veder pax (vaterpass), 1 skinnfeld, 1 embar, 1 smørøskje. So er ekteparet Tore og Margit nemnde: Henrik 1697, Anne 1699, Guri 1704, Oddmund 1713, Mons 1726. Vidare Henrik Torleivson g m Helgæ Mekkelsdtr Bakke som døydde 1737: Jartrud 1731, Helgæ 1732. Det var skifte etter Helgæ på Finnset 17-2-1737. Fleire var i skuld til buet: Eirik Vøllø 42 rdl, Embrik Viljugrein 20, Knut Grøndale 10, Knut Øndredal 8. Til deling: 73 rdl. Jehans Nilsson Viljugrein, d 1753, kan hende son til Nils og Sigrid Viljugrein, vart bonde på Bakke, g m Margit Mekkelsdtr d 1762. Dei hadde: Hallstein ukjent fødselsår, d 1792, oppgjeven alder 82 år, bonde på Viljugrein, Barbo 1725-50-25 drukna, Nils 1728, Margit 1732, Mekkel 1734-35-1, Mekkel 1737, Ola 1743-44-1. So har me Torstein Knutson Bakke d 1754. Var g 1) m Birgit Viljugrein, 2) m Anne Helgesdtr. Dei budde og på Viljugrein ei tid (sjå 80-3). - Torstein vilde få greie på delet mellom Bakke og Brandvøl og bad retten sjå på det og dømme. Hå Torstein var det reine armada, og han hadde ikkje brød då dei høge herrane kom. Dotter hans var stad og lånte två brødleivar. Ho stakk hovudet inn gjennom dørgløtten og spurde: «Ska e ta baa leivatn?» Og Torstein svara: «Ja, fær du kji kvednastein tå brøstøun so. O so får du sjå ette på nørde og søre fjøse om køllutn nuvast på baa!» (Dei brukte å leggje flattbrødet på eit rundt bord, og so la dei ein utsliten kværn stein til farg oppå.) Torstein less som han var vel forsynt og hadde två fjøs. Men han hadde berre eitt, og det var skralt det og. Tradisjonen vilde ha det til at Torstein fekk for lite ved rettsskjønnet fordi han ikkje hadde god nok mat til rettsmedlemene. - Knut, son til Torstein og Birgit (g

1748 m Kari Torkjellsdtr) var bonde på Viljugrein ei tid og på Bakke ei tid. Jakob Tomasson Viljugrein, som døydde på Hølle 1788, 82 år gamal - venteleg son av Tomas Knutson Viljugrein - vart g 1743 m Kari Torsteinsdtr Bakke d.e. d 1767. Dei budde på Viljugrein og Bakke og til slutt i Støyte. Etter kyrkjebøkene og skifteprotokollane hadde dei desse borna: Jehans 1735, Sunnev 1738, Tomas 1743, Birgit 1747, Torstein 1750, Helge 1752, Olaug 1754. Henrik Eirikson Bakke frå Haug ca 1722-73-51 vart g 1766 m Birgit Torsteinsdtr Bakke f 1742 (besteforeldre til «Krikka»): Sigrd 1769-1851-82 g 1791 m Nils Olson Jordheim, budde til slutt i Krikkji (sjå der), Anne 1771-73-2. - Som enkje hadde Birgit ei dotter med Ingvar Nilsson Hulbak: *Anne* 1782-1864-82 ugift, budde på Hulbak, d i søre Venåsbakko (Anne hadde: *Ingvar* Sjugurdson 1809-78-69 bonde i Venåsbakko, *Henrik* ukjent fødselsår, bonde på Eikro og i Bergo, d i Ål, *Margit* Olsdtr 1823-1905-82 sinnssjuk, dei kalla ho «øne», hadde ein son *Ola* 1859-74-15 som var idiot.) Ola Helgeson Bakke 1731-1809-78, son til Helge Ellingson Vølle og kone Margit Olsdtr, g 1764 m Kristi Halvorsdtr Løkji, var bonde på Bakke, på Torset og til slutt på eit Løkjisbruk, døydde på Hølleme. Vart kalla *Hølgjison*, med di far hans heitte Hølgji. Han var handelskar. På Bakke hadde han eit vel stappa stabbur. Det brann. Born: Margit 1764-1862-98 g m Knut Vølle (85-3), Sigrd 1766, Sigrd 1768-1848-80 g m Eivind søre Øndredal, Guri 1769-(1845-76) g m Ola Olson Intelhus, Helge 1771, Guro 1774 g m Arnulv Herbrandson, bonde i Grøndalen, Helge 1776, Helge 1777-1850-73 bonde på Hølleme, Anne 1779-1858-79 g m Jakob Huso i Lio, Halvor 1782-1844-61 bonde på Tubun.

Det er uvisst kva for eit Bakke-bruk dei budde på dei ovafor nemnde.

Øvre Bakke

Gnr 83, bnr 5, Inr 659.

På øvre - no nedre - Bakke.

Der budde Aslak Hallsteinson Viljugrein 1763-1851-88 g 1) 1792 m Kari Ingvarsdtr nedre Bakke 1772-1801-29: Gunhild 1794 fekk garden, g m Tor Klepp frå Gol, Kristi 1797 gift til Jondal i Gol, Hallstein 1798 d, Hallstein 1799 d, Kari 1801. - Aslak vart g 2) 1802 m Liv Sjugurdsdtr (kvarifrå). Endeleg vart Aslak g 3) 1840 m Margit P. Rese f 1798. Han var då 77 år. Gunhild og Tor overtok garden: Tor ca 1824-93-69 bonde på øvre Bakke, Aslak 1826-1906-80 bonde på nedre Bakke, Hallstein 1829 g 1853 m Kari Nilsdtr Viljugrein rtA 1851, farmar i Goodhue, Minnesota frå 1855, Ola 1835. - Ei *Guri* Torsdtr Bakke d 1859, 18 og eit halvt år gamal må venteleg vera frå Gol. - Då Tor var død, vart Gunhild g att 1840 m Ola Asleson Øndredal f 1805. sama året vart far hennar ogso gift att - for tredje gong. Gunhild vart gift 12. april, men 4. november døydde ho i barnseng. Sonen Tor g m Ingebjørg Hansdtr Brandvøl 1811-67-56 fekk garden: Gunhild 1846 d, Tor 1852 d, Tor 1853-1922-69 bonde på Bakke, Ola 1856-1908-52 vart sinnssjuk. Tor fekk garden, men far hans styrde lenge som enkjemann. Tor levde ugift. På denne garden var det difor ikkje kjæring på over 40 år. Til å stå for husstellet hadde Tor Margit Halvorsdtr Tubun til ho døydde i 1900, 80 år gamal, deretter ei Guri Brekke frå Valdres som døydde i 1919, ca 70 år gamal. Kring 1912 selde han garden og bygde åt seg nord ned for Bakke. Der levde han aleine etter at Guri Brekke var død. Ein av juledagane 1922 fann dei han død i stugun. Dei visste at han hadde samla mange pengar. I eit rom i møningsasen fann dei 3-4000 kroner. Men det meste hadde han nok i bankane. Det var dei fjerne slektningane i Gol som arva alt i hop. Knut Olson Kariset 1854-1936 g 1890 m Margrete Eivindsdtr Høvdæe 1869-1950 kjøpte Bakke av Tor. Dei hadde butt innadørs i Høvdæe nokre år før: Margit 1900 bur på Bakke, Anne 1902 g 1935 m Nils Brandvoll, Sigrd 1905 bur på Bakke, Ola 1908, Ingerid 1912 bur på Bakke. - I 1912 vart det halde utskifting mellom øvre og nedre Bakke. øvre Bakke måtte då fløta ut og fekk eigeidomen lenger nord og vest og tunet lenger ned enn før, so no blir det gamle øvre Bakke kalla *nedre Bakke*. Ola overtok garden i 1936. Har nydyrka jord, bygt nytt fjøs heime og nye stølshus på langstølen Ershøvd (fløtt lenger ned etter utskiftingen på Ershøvd i 1930-åra). Til garden høyrer heimstøl på Fagerset.

Nedre Bakke

Gnr 83, bnr 6, Inr 660.

På nedre - no øvre - Bakke.

Ingvar Knutson og Kristi Olsdtr budde her. Dei hadde vore i Dølehuso før (sjå der). Knut, son deira, 1774-1842-69 fekk garden etter dei, g 1802 m enkje Guri Jonsdtr, d 1849, 81 år gamal. Knut var ein stor, sterk kar, sa Gamle-Eivind. Born: Kari 1803 g 1826 m Tore Fausko rtA, Ola 1806-10-4, Ola 1810-80-70 bonde på Bakke og sea på Fausko. Han vart g 1837 m Sigrd Eivindsdtr Grøndale f 1811. Bytte gard med Tore Fausko og var på Fausko nokre år, reiste so til Amerika 1851. Born: Knut 1839, Eivind 1840, Guri 1843 dei två døydde unge, Sigrd 1845-1911-66 gift i Amerika med Torleiv Nilsson

Flaten, Eivind 1848, Ola 1850, Kristine vart fødd i Amerika. Fem av dei: Knut, Eivind, Sigrd, Ola og Kristine vaks opp, men alle so nær som Knut døydde på eitt år 1910-11. Eivind var ugift. Hadde att etter seg ein medel på 34 000 dollar. Tore styrde ei stund på Bakke, men reiste til Amerika om ikkje lenge. Garden selde han til Eirik, bror sin, f 1800. Han vart g 1854 m Kari Helgesdtr Berg 1816. 57-41. Men det gikk ikkje likare med han. Kona døydde i barnseng, so reiste han til Amerika han med. Sonen deira heitte Jakob 1855 d. Den som då kjøpte garden, var Aslak Torson på øvre Bakke 1826-1906-80 g 1858 m Sigrd Olsdtr Kariset 1837-1915-78. Aslak var ein drivar av sværaste slaget. Reiv ned alle hus *heime* på Bakke og på stølane og bygde dei upp att på beste måte etter den tids bygningsskikk. Ja, nokre reiv han ned og bygde upp att andre venda. Og braut upp mykje jord. Han hadde ei gampehelse. Eingong fekk han eit mineskot upp i andletet, då var han skral ei tid. Men so ein dag kom det ein blodtapp fram og nasen hans, og då vart han bra att. «Av alle hemsedøler, jeg vet om, må jeg sette Aslak Bakke som nr. 1 som drivandes arbeidskar. Han hadde engang bruk for sagabord, men kunde ikke vente til vannsagen gikk. Måtte sage med håndsag. Ingen å få med. Stod på sagbukken alene, hadde bundet en stein i nedre enden på sagen» (HF). Born: Gunhild 1863 g 1886 m Eirik Olson Hulbak d.e., Ola 1866 bonde på Bakke fyrst og so på Jordheim, Margit 1873-1960 fekk garden g m Knut Jakobson Dekko, Kari 1876-1913-37 g 1901 m Ola Larsson Jordheim, dei rtA, men ho kom att og døydde i Hemsedal. Margit og Knut Dekko 1868-1952 kjøpte garden av Ola då han fløtte til Jordheim: Liv 1902 bur i Oslo, Jakob 1905-35 bonde på Bakke, Sigrd 1908 g 1938 m Harald Solbakken frå Vikersund, bur i Solbergelva (har tre gitar), Kari 1910 g 1940 m Svein i. Eikre, Karoline 1914 g 1947 m Anders Bakkene frå Valdres, dei bur i Oslo. - Knut nydyrka mykje jord på heimstølen Fagerset. Jakob overtok garden 1933 og vart sama året g m Birgit S. Kirkebøen 1910-68. Berre två år var han bonde på Bakke før han fall ifrå. Dei hadde ein son: Knut 1934. Birgit dreiv garden til Knut overtok han i 1955. Han vart g 1960 m Borgny M. Hustad f 1938: Berit 1963, Hilde 1964, Jorunn 1970. Knut har bygt nytt bustadhus og uthus, restaurert den gamle hallingstugo, vølt stølshuso på Fagerset og Bakkestøle, bygt utleiehytter, selt fleire tomter osv. og nydyrka ein god del jord. Etter utskiftningen i 1912 blir det tidlegare nedre Bakke no kalla *øvre Bakke*.

Bakkerud

Ny bygsla bustad, ikkje matrikulert.

Eigar: Aslak Hulbak f 1904 g 1954 m Birgit A. Venås f 1912. Dei har ei gjente: Gunvor Elise 1956. Aslak er bygningssnikker. Bygde på bygsla tomt under Bakke 83-6 bustadhus og uthus 1944. Brukar sitt eige ættenamn. Ingeborg Hulbak f 1899 bur på Bygdaheimen.

Brunsvoll

Gnr 83, bnr 17. Ny bustad.

Eigar: Syver Brandvold, brukar sitt eige ættenamn. Han kjøpte i 1922 eit jordstykke av Per, bror sin, på Brandvøl 83-1 og bygde åt seg der. Har ogso hytte på Helgeset. Syver f 1895 har arbeidt som bygningssnikker. G 1924 m Kari E. Hulbak 1894-1976. Born: Kristine 1926 g 1951 m Syver Rabben, Fagernes (har ei gjente og två gitar), Vilhelm 1927 g 1953 m Ruth Melby, Skogbygda, han er målarmeister, busett i Oslo (har ei gjente og ein gut), Erik 1929 g 1959 m Berit Aas, Oslo, han er disponent for Diamant Pels (dei har två gitar), Gunhild 1933 g 1962 m Edgard Olsen, Oslo.

Elvely

Gnr 90, bnr 50. Ny bustad.

Eigarar: Rangdi og Ragnhild Brandvold (83-1). Rangdi f 1893 og Ragnhild f 1897 hadde fyrst huspostar i Oslo i fleire år, kjøpte so småbruket Vestli ved Hønefoss og dreiv med heimebakeri ved sida av. I 1967 selde dei eigedommen til Hønefoss kommune og fløtte heim att til Hemsedal. Kjøpte tomt av Herbrand Sjøheim og bygde åt seg der i 1967.

Halle

Gnr 83, bnr 8, lnr 662. I Halln.

Ligg på sørsida åt Høvdenuite like ved Brekkefossen. Har likesom Kroken (83-7) vore slåtte eller heim støl til Brandvøl. Halvor Knutson Sjøheim 1728-1810-82 g 1753 m Sunnev Jonsdtr Venås e 1735-57-22 budde her. Dei hadde ei dotter: Sigrd 1755 som i 1776 vart g m Ivar Ivarson Brandvøl. Halvor vart g 2) 1758 m Kristi Kristensdtr. Så er det nemnt ei Jartrud Hallen som døydde i 1740, 80 år gamal. Vidare ein Hallstein Hallen med borna: Dis 1697 g m Knut Grøndale, Knut (ukjent fødselsår) bonde i Hallen. Knut vart g i Boyesentida m Olaug Eivindsdtr Haugji ved Høvda, som døydde i 1764, 54 år

gamal. Dei hadde: Ola 1750, Haldis 1752, Ola 1754, Ragnhild 1757, Mari 1762, Ola 1764. Så har me i Hallen Knut Eivindson Rrandvøl 1746-84-38 g 1772 m ei Mari Hallsteinsdtr som døydde i 1829, 90 år gamal: Guri 1776-1868-92 fekk garden, Gunhild 1780-1848-68 g m Endre Asleson Sprikji. Guri vart g 1801 m Andres Janson Vøllo 1761-1848-87: Knut 1801-60-59 bonde i Hallen, Guri 1804-67-63 g m Ola Jakobson Dekko, Mari 1806-93-87 g 1830 m Ola K. Vøllo, bonde på Intelhusbakko, Anne 1811-81-70 g 1840 m Ola Nilsson Stunde, bonde på Vøllo, Gunhild 1813 g 1844 m Tomas Endreson Øygarde, dei budde i Grønlio, Jon og Torleiv tvilingar 1815 d, Guri 1818-54-36 g m Nils Olson Venåse. -. Då Andres seint ein trettandagseftan var på friarferd til Hallen, vart han ute for ei rar hending. Ved Kaparslette (Bekkjivølln) møtte han juleskreie. Ho kom riande. Han la seg overende i snøen og retta armene ut, så det sag ut som ein kross. Då hadde dei underjordiske ikkje nokon makt. Men ille vart dei, sputta og fya: «A fy å fy, der ligg ein mannekross!» Somme hadde tenner så lange at dei nådde ned i Salen. «En goddatter av Guri har fortalt mig dette» (HF). Knut fekk garden, g 1839 m Anne Olsdtr Tubbun 1807-93-86: Andres 1839-1903-64 bonde i Hallen, Margit 1842 ugift, rtA, Gnri 1844 (med dotter: *Anne* Olsdtr 1875) rtA og vart der g m Ola T. Fauskemoe, Mari 1848 g m Embrik E. Eikrehaga, Ola 1851 d, Ingebjørg 1852 d ung. Andres fekk garden g 1879 m Ragnhild Venåsbakka: Anne 1881-1906-25 døydde av tæring, Kirsti 1883 g m skomakar Ole Ringsaker (sjå 92-4), Guri 1886-1908-22 døydde av tæring, Knut 1889 hadde garden ei tid, g 1948 m Rosa Lydia Marie Svendsen frå Danmark f 1906. Dei var barnlause og selde garden 1966 til Ola O. Vøllo, men dei heldt att husa og bur der. Fråselte før: Langstølen Bakkestølen til Jakob Haugen og heimstølen Stupule til ein bymann. Dessutan selde dei 3 hyttetomter på jordet heime og sin del av Halleføsse til Oslo Lysverker 1959.

Berg

Gnr 84, bnr 1, lnr 663. I Berg.

Berg har ofte bytt langstøl. GamleEivind fortalde at Berg hadde langstøl på vestre Fete. Herbrand Trøym kjøpte ei slätte på øystre Fete, men hadde ikkje hamn der. Så bytte han stølen sin på Kljåe med den Berg hadde på Fete. Men dei i Berg kom til å synast at det var noko bakvendt og åfått å vera på Kljåe, og smorde så til å byte bort Kljåen med Liostøle i Mørkedale som Per Viljugrein åtte. Heller ikkje her vart Berg verande lenge. Dei selde Liostølen til Knut Bjøbergo og kjøpte att støl av nordre Fausko i Hyddale. Men så hadde Arne Høvdae rudt seg støl på Kljåe med han var lauskar, og då han kjøpte Berg, la han ut stølen i Hyddale og sat sea på Kljåe. Liostølen selde Knut Bjøbergo att til Ola Flaten kring 1890. Sea har denne stølen høyrte Flaten til. Kyrkjebøkene nemner fyrst ein Tomas Berg med dottera: Anne 1697. Og så ein Torleiv Berg med borna: Tomas 1737, Birgit 1735 g 1757 m Arne Sjugurdson Viljugrein. Så kjem det fleire med namnet Helge. Fyrst ein Helge g m ei Birgit, dei har borna: Gunhild 1704, Nils 1705. Deretter ein Helge Gudleikson g 1708 m Sigrid Knutsdtr, som døydde i 1737. I skiftet etter henne er nemnt två av syskina hennar: Kari Knutsdtr g m Håkon Gapkjedn i Flå, og Unni som var død. Vidare er det ein Helge Berg g 1738 m Guri Nilsdtr. Dei hadde: Guri ukjent fødselsar, g m Torleiv Bjørnson Berg, Guri ukjent fødselsar, g m Jakob Nilsson Viljuglein, Sigrid 1737 g 1768 m Torkjell Eivindson Brandvøl, Helge 1739-1804-65 bonde i Berg. Om denne Helge blir det opplyst i folketeljinga av 1801 at han var gift tre gonger: 1) 1763 m Jørønd Ivarsdtr d 1779, 47 år gamal, 2) 1780 m Kari Anfinsdtr d 1791, 43 år gamal. Ho må ha vore frå Borgund, for dei vart trulova der. Born: Jørønd 1781-1812-31 (hadde dotter: *Kari* Halvorsdtr 1811), Helge 1784 d, Helge 1786-1864-78 bonde i Berg, Anfin 1789 g 1819, bonde i Hødn. - 3) 1793 m Rønnaug Pålstdtr Hulbak 1766-1844-78: Pål 1793, Kari 1795-1813-18, Gndleik 1798-1802-4, Tore 1799, Guri 1804-12-8. Helge som fekk garden, var ein endefram bustull. Far hans slo seg i hel då han datt utfor eit berg ovafor heimstølen Muren, der han dreiv og onna om somrane. Då dei fann att faren, sa Helge: «Det va godt det gikk så, detta.» Han meinte det var godt at han ikkje hadde slege seg meir sund. Dette vart seinare ei herme: «Det va godt det gikk så, detta, Sa'n Hølgji Berg, då far hass slo se i hel.» - Då han om vintrane køyrde beit norda ifrå, sette han reist på sledemeiane nedover i Brekkebakka, men let reista sitja på like til han kom upp i garden i Berg. Ein vinter dreiv han og sette upp storfugl-snuru. Om dette fortalde han seinare: «Ein væt hadde e so mykje veidn då e veia så mykky ørra uppi Vølle-bergo: røven tok ein, ørne ein, ein sleit se, o ein vart burte lell.» - Helge vart g 1811 m Ambjørg Eivindsdtr Høvdae 1788-1871-83: Helge 1812-46-34 g 1844 m Ingerid Flaten, Arne 1814-62-48 fekk garden, tvilingane Eivind og Kari 1816, Eivind g 1851 m Anne Krokji, dei rtA, like eins Kari g m Eirik Bakke, Gudleik 1819-21-2, Margrete 1821-44-23, Rønnaug 1824 g m Lage Eirikson frå Valdres, Gudleik 1827-ca 1870-43 g m Margit Resa, budde på Bergstøl i Borgund, Ola 1830 g 1856 m Kari Mekkseldtr Fausko, dei rtA, hadde der: *Birgit* 1856, *Margit* 1861. Arne fekk garden g 1854 m Sunnev Knutsdtr f 1827 (Sunnnev var dotter til Knut Olson Ro i Gol og Anne dotter til Per og Sunnev Brandvøl). Arne fall tidleg burt, og Sunnev reiste då til Amerika 1866 med borna sine: Ambjørg 1854, Anne 1856, Kari 1858, Helge 1861. - Helge, bror til Arne, vart g 1844 m Ingerid Flaten 1801-53-52. Dei budde i Berg som innadørsfolk. Ein sommar dei var burti ei slätte og onna, vart Helge sjuk og døydde der (10. aug. 1846). Ingerid budde på Flaten deretter og

døydde 6 år etterpå. Dei hadde två born samen før ekteskapet: *Ambjørg* 1839 d, *Ambjørg* 1841-83-42 ugift, døydde på Fauskemoe (hadde ein son med Hermund Pytte i Gol: *Helge* 1873, han busette seg uttafør). Ingerid hadde før ekteskapet ei dotter: *Kristi* Arnesdr 1836-1920-84. Far til Kristi, Arne Knutson satahaugji frå Ål, vart vanlegvis kalla Eli-Åtne eter mor si. Han var ein for seg sjøl. Då han var på eksisen, spurde han ein dag kapteinen om ha kunna få lov til å skjena. Ja, det syntest kapteinen var moro. Arne sette avgarde i vilt tan og herma etter kyrne so godt han kunna. Heile kompaniet storlo så skjena han burt i skogkanten og vart burte, og han kom ikkje att korkje den dagen eller den andre. Han reiste opp på nokre stolar og var der hjå gjentene. Trea dagen kom han skjenande att, plent på sama måten som han reiste. Kapteinen kunna ikkje godt seie noko, etter som han hadde gjeve han lov til det, men kjende seg nok åvfaren (flat, flau) over hendinga. -- «Engang fikk Arne låne et skipar hos min godfar Håkon B ergo. Reiste til Borgund med det og solgte det. Godfar så det ikke mer» (HF). Arne kom i konflikt med lova elles og, so han kom på straff. Då fangevaktaren følgde han inn, let han det låte ein stad og sa: «Ho lika se kji no, sælog!» - Kristi, dotter hans, hadde ein son: *Embrik* Olson 1865 som rtA. Ho vart g ca 1875 m ein smed frå Tørpo som heitte Eirik Løkji. I 1860-åra var han mykje i Hemsedal som ljåsmed. Han døydde brått eit par år før Kristi. Låg død ein morgon utan å ha vore sjuk. Kristi døydde hjå dotter si som var gift og budde på ei kvilarstalle uti Hallingdal som dei kalla Kaffimoen. - Rønnaug vart som nemnt g m Lage Eirikson frå Valdres. Han var hjulmakar og den fyrste som dreiv dette handverket i Hemsedal. Heldt til i Berg og døydde der 1853, 50 år gamal. Rønnaug reiste då til Amerika med dei två borna: Lage 1848, Eirik 1850. - Gudleik g m Margit Eivindsdr Reso 1828-1904-76 budde som innadørsfolk på Berg det fyrste, men drog so til Bergstøl i Borgund. I Hemsedal hadde dei: *Ambjørg* 1857 budde uttafør (eller rtA), *Helge* 1858-93-35 døydde i Hemsedal av hjartefeil. Som enkje fekk Margit ein son: *Eivind* ca 1871 med ein valdres. - Eivind Helgeson vart som nemnt g 1851 m Anne Krokji. Dei hadde: *Helge* 1851, *Ambjørg* 1854 d, *Ambjørg* 1856, *Torgeir* 1858, *Tomas* 1861. Som ein vil sjå, var det mange som heitte *Helge* i Bergslekta, men ingen vart bonde i Hemsedal. Då Sunnev Berg reiste til Amerika, selde ho garden til Arne Olson Høydae d.e. 1831-1909-78 g 1863 m Birgit Knutsdr Todøkk på Imre 1833-1922-89: *Ola* 1865-83-18 døydde av giktfeber, Ingerid 1867-84-17 døydde av hjernebetennels, Knut 1869-1952 bonde i Berg. Knut vart g 1891 m Ingebjørg Olsdr Fausko 1872-1960. Knut var kommunemann og hadde fram igjennom åra dei fleste kommunale tillitsombod, dessutan mykje nytta som skjønsmann, var kasserar for sjukekassa i fleire år osv. Born: *Tvilingane* Arne og *Ola* 1891 d, *Birgit* 1892 g m *Kristoffer* Rønneberg, *Hoff* (born: ein gut og ei gjente), Arne 1894 bonde i Berg, *Ola* 1897-1916-19, *Margit* 1899 busett i Nesbyen, *Olav* 1902 g m *Gunvor* N. Hulbak (sjå *Berglund* 84-3), *Ingerid* 1905 d, *Ingerid* 1906-25-19, *Maria* 1909-1932, *Knut* 1912 g m *Marion* Finsrud (ein gut), *Karoline* 1914 g m *Ole* Helgesen (sjå *Kirkerud* 66-4), *Ola* 1916 tilsett ved Oslo Lysverker (sjå *Kirkerud* 66-4), *Margrethe* 1922 g m *Torbjørn* Rognås, Valdres (dei har ein gut og två gjenter). Arne tok over garden 1931 og vart sama året g m *Birgit* A. Brandvøl. Har bygt nye hus og uthus heime og ny bu og fjøs i Vabuleino og på heimstølen, har vore interessert i skogbruket. Born: *Ingebjørg* 1931 g m *Erling* Støhre, Oslo (två gutar), *Knut* 1933. Undåseit: *Træsmoen* til *Ola* Kven Bråten, bustadtomt til *Olav* Berg (sjå *Berglund* 84-3), bustadtomt til *Ingvar* Venåsen (Bergly 84-4), stølshusa og två tomter i Vabuleino, tomter i Krokji og på søre Helgeset.

Berglund

Gnr 84, bnr 3. Nyare bustad.

Olav Berg f 1902 g 1938 m *Gunvor* Hulbak f 1918 bygde her. *Olav* er lastebileigar. Born: *Konrad* 1938 busett i Oslo, *Nils* 1941 lastebileigar g 1968 m *Marit* Karin Eggum frå Borgund. Born: *Grethe Marie* 1969, *Tone Beate* 1971, *Stein Ove* 1975.

Bergly

Gnr 84, bnr 4. Nyare bustad.

Bygningssnikker *Ingvar* O. nedre Venås (90-1) f 1904 g 1949 m *Birgit* O. Holde f 1914 bygde her 1952. Dei har ein son: *Ola* 1952. Syskina til *Ingvar*: *Anne* 1899-1973 g m *T. Bjørnebråten* (tre gjenter og ein gut), *Ola* 1901-51 butikksjef i Oslo, døydde ugift, *Ola* 1912-74 g m *Anne* Hefte i Gol, dreiv slakteributikk (dei hadde ein gut og ei gjente). *Oline*, mor deira, 1870-1951, var frå Fausko.

Vøllø

Gnr 85, bnr 1-3. På Vøllø.

Skriveform: Vøllø eller Wøllø.

Det har frå lang tid attende vore tre gardar *Vøllø*: Søre og nørde *Vøllø* og *Myljo-Vøllø*. Dessutan det

nedlagde bruket *Kroken*. Her som andre stader er det mange om sama namnet so det er ikkje greitt å seie kvar den og den har butt. Til å byrja med vert difor alle tekne under eitt. Ved folketeljinga i 1664-66 var det två «halfue ødegaarde» som bar namnet Volde (Vøлло). På den eine budde *Peder*, som var 60 år gamal, med sonen *Helje* som var soldat og 24 år gamal. På den andre *Erik* Jonsøn 21 år gamal, dessutan husmannen *Niels* 60 år gamal med sonen *Knud*, som var 12 år gamal. Dei fyrste som kyrkjebøkene nemner, er ekteparet Erling og Ragne Vøлло med borna: Guri 1694, Helge 1696, Kari 1698 d, Nils 1700, Ola 1703, Helge 1705 d, Helge 1707 som vart g m Margit Olsdtr, Ivar 1711. Helge og Margit hadde sonen: *Ola* 1731-1809-78 bonde på Bakke. Han vart kalla Høljison. Ein Eirik Vøлло døydde i 1698. Det er kan hende sønene hans ein Jon Eirikson og Mekkel Eirikson Vøлло. Jon, som døydde 1702, vart g m ei Olaug og hadde med henne borna: Andres 1696, Barbo 1702 d. Jon vart so g att 2) m Birgit Toresdtr d 1737. Dei hadde ei einaste dotter: Olaug 1707, upp kalla etter fyrste kona. Ho var endå ugift då det 18-2-1737 var skifte på Finnset etter Birgit, mor hennar. I buet var m.a. registrert 4 kyr, 4 ungvrytyr, 6 geiter, 8 sauer, ein liten brennevinskjel på 2 pund verdsett till rdl og 2 mark. Buet var skuldig: Til Rasmus Bakke 8 rdl, Endre Torset 8, Anfin Høvdæ 4, Tøris Ljøsne i Nordland (dvs. Lærdal) 1, det sama til Anders Lo, Nils Ljøsne, Anders Halseberg og Henrik Engeset, dessutan 2 mark til nokre hemsedøler og til Svein Hove i Ålsgjeld. Mekkel Eirikson vart 1699 g m Guri Knutsdtr, som døydde 1723. Det var skifte etter henne på Hallbjørshus 25-5-1723. Av krøter var det registrert 12 kyr, 2 kviger, 12 vaksne sauer, 12 lamb, 4 geiter. Det er truleg at Mekkel og Guri budde på søre Vøлло. Born: Eirik 1699 bonde på ein av Vøлле-gardane, Margit 1701, Helgæ 1704 g m Torleiv Henrikson Hulbak, Knut 1707, Mons 1711, dessutan Jiggjer og Anne som var fødde i Boyesentida. Eirik vart gift og fekk desse borna: Ola 1726 bonde på Fausko, Birgit 1731, Guri 1733, Mekkel 1736, Odd 1737 bonde på Ullsåk, Jakob 1742. Tore og Sesele (Sissel) Vøлло hadde: Olof 1701. Ola og Anne Vøлло - som fyrst budde på Brandvøl - hadde: Asle 1704, Margit 1707, tvilingane Sjugurd og Jiggjer 1710. Knut Tomasson Vøлло f 1711 (son av Tomas og Anne Muren på Fausko) g 1747 m Birgit Jakobsdtr hadde två born: Ingerid 1748, Liv 1753 g 1778 m Tomas Torleivson Øyn. Ein Knut Jonson vart g 1747 m Margit Knutsdtr. Bustaden er ikkje nemnd, men då sonen Ola dør, er han skrivin for Vøлло: Ola 1747-1829-82, Jon 1751, Knut 1754. Ein Hans Jakobson Vøлло f 1727 på Fausko g m ei Helgæ Torleivsdtr var bonde på Viljugrein eit bel, og i 1801 er dei på Bakke. Dei hadde desse borna: Jakob 1762, Torleiv 1767, Per 1770, Guri 1776. Ein Per Ivarson Vøлло vart 1764 g m Birgit Sveinsdtr 1735-1807-72, dotter til Svein Jakobson og Anne Nilsdtr Fausko, som ei tid budde på Vøлло. Per og Birgit hadde dottera: Anne 1764. Per døydde før 1769. Som enkje fekk Birgit ein son med Einar Olson Ullsåk: *Per* 1773. Han vart g 1806 m Sunnev Ivarsdtr Brandvøl. Det er ikkje nemnt kvar Per Ivarson budde, men han var son til Ivar Anfinson f på Viljugrein 1704 som i 1732 vart g m Guri Hallleinsdtr (ho var kan hende dotter til Hallstein Hallen), og dei hadde borna: *Per* 1733, truleg d ung, *Jartrud* 1738, *Per* 1743. Ola Torleivson Kariset 1763-1813-50 g 1738 m Guri Bjørnsdtr Vøлло f 1770, dei budde fleire stader: på Vøлло, eit Stølenbruk og på Reiarstletten: Barbo 1789, Olaug 1793, Torleiv 1796 d, Torleiv 1798, Margit 1804, Bjørn 1809.

Søre Vøлло

Gnr 85, bnr 1, Inr 664. På søre Vøлло. Skriveform: Vøлло eller Wøлло.

Her budde Jakob Sveinson Fausko 1738-1801-63 g 1) 1771 m Johanna Larsdtr fra Lærdal (dei vart trulova i Lærdal, i gamal tid vart trulovingsdatoen ogso innførd i kyrkjeboka). Johanna døydde i barnseng 1778, oppgjeven alder 33 år. Dei hadde ein son: Svein 1775-1853-78 bonde på Vøлло. Jakob vart g 2) m Ambjørg Ivarsdtr, enkje etter Herbrand Arnulvson Sjøheim. Dei var barnlause. Svein overtok garden, g 1796 m ei Kari Knutsdtr. Svein var hestehandlar og hadde lagt seg upp mange pengar, men han drakk, og ved pengenedslaget i 1812 hadde han ikkje stort att. Han og Per Eirikson Finnset (frå Haug, sjå Finnset 71-1) bytte gardar, men dei bytte ikkje støl (båe hadde støl i søre Hyddale). Svein og Kari hadde: Johanna 1799 d, Johanna 1800-96-96 g m Knut Sletto, Birgit 1803- (1837-34). Etter Per Eirikson frå Haug vart det sonen Eirik 1791-1888-97 som vart bonde på Vøлло g m Ingebjørg Olsdtr Brandvøl 1793-1860-67. Eirik var ein endefram kar som ikkje pruta stort når han svalla ved folk. Han sto og prata med ein mann ein dag: «Kyss me bak o lån me ei mark!» Folk plar vera litegrand meir spake når dei vil låne pengar. Dei var ikkje munnvalne dei två brørne hans heller, Knut Sletten og Lars Markegølo. Borna til Eirik og Ingebjørg: Guro 1827-88-61 g 1853 m Ola Eirikson Hulbak, Per 1829-90-61 ugift, Ola 1831-98-67 bonde på Vøлло, Knut 1833-54-21 fehandlar, Trond 1836-1901-65 bonde på Haug. Ola fekk garden g 1857 m Margrete Olsdtr Høvdæ 1838-77-39. Ho døydde av brystkreft. Ola var ein godsleg og svøllug mann og ein røsleg kar som det var framferd i. Var mykje nytta som takstmann og kommunemann. Born: Eirik 1858-68-10, Ola 1860 bonde på Vøлло, Ingebjørg 1862 g m Knut Trondson Groset, Knut 1864 rtA og vart der g m Ragnhild Lekve frå Voss, Arne 1867 landhandlar i Solbergelva g m Kirsten Tangnes, Arne 1873-77-4, Iugerid 1875-77-2.

Ola fekk garden g 1887 m Astrid Aslesdtr Brunsvoll frå Nes. Ola var kommunemann og ein drivandes gardbrukar. Prøvde seg fram med nye driftsmåtar og nye reidskap. Han var soleis den fyrste i Hemsedal som kjøpte separator. I 1907 selde han Vøлло til Jon Vilhjelmson Grøndale (86-8) for kr. 12500 og kjøpte att garden Sørum i Hole på Ringerike. Denne selde han att i jobbetida og tente mange pengar. Budde i Hønefoss sea. Astrid døydde brått den 6 mars 1922 kring 60 år gamal. Astrid var ei forstandig og flink kone, og ho og mannen levde eit lykkeleg samliv. Med dei var på Vøлло, hende det ein sommar at amtmeierska var hjå henne på stølen. Astrid gikk då med barn, og meierska rådde henne til å reise heim att i tide. Ola og Astrid drog heimover i kveldingen. Men då dei var komne åt Ljøtebøtte, vart Astrid klen, so dei måtte stanse. Straks etter kom barnet. Ola laut dra til nærmaste støl etter hjelp. Sundags morgon vart Astrid boren ned til bygda på bære. Dette hende den 12. august 1893. Borna til Ola og Astrid: Maargrete 1888 rtA, Maria 1889, Ingerid 1891-1915-24 var trulova med ein skipskaptein, Barbo 1893, Olga 1895, Ola 1897, Asle 1899, Eirik 1902. Jon Grøndale 1852-1947 g 1892 m Margit Knutsdtr Markegølo d.e. 1868-1932 styrde so på Vøлло. Dei hadde: Vilhelm 1893 bonde på Vøлло, Knut 1894, Margit 1896 g 1915 m Knut Fausko, Knut 1897 g 1943 m Anne Skøyte (sjå Bjerkelund 92-4), Sebjørg 1900-61, Kari 1901 g 1927 m Ola Flaten (69-8), Halvor 1902 g 1932 m Oline O. Sletten (sjå 92-4), tvilingane Trond og Svein 1907, Svein har tent på Flaten i 45 år frå 1928 til no, Trond vart g m Anne Ellestad Øye (sjå Fausko 82-45), John 1909 g m Ingebjørg Gjerløv i Aurland (dei hadde två gutar), og då Ingebjørg fall burt, vart John gift att med Karoline Kvam i Aurland der dei er busette (har ein gut og ei gjente), Ola 1911 g m Ellen Marie Fekene (sjå Skogheim 80-35). - Han Jon Grøndale - som dei alltid kalla «Grøndaln» - var ein gjæv og kjend fekar. Handla mest i Vang i Valdres, ei tid samen med broren Halvor (som kjøpte Løkji). Låg med feet sommarstid på Juklevassstrønden og i ein bøtt nord for Kljåe, som frå då vart kalla Grøndalsbøtten. Jon var hardbalen og vågal. Det er fortalt at han eingong reid over Vabuleinvikji, som er drugt 100 meter breid og brådjup. Stølsfolket trudde ikkje sine eigne augo før både hesten og rieren kom til lands att og steig upp på det turre. Vilhelm tok over garden 1930 og vart gift sama året med Oline E. Hulbak. Bygde nye hus både heime og på heimstølen Helgeset. Dei slutta å sitja på langstølen i Hyddale i 1950-åra og har sea støla på Helgeset. Dei har dyrka upp og stelt vel med egedomen og har vore interessert i krøterhaldet. Kommunemann og skjønsmann. Borna til Vilhelm og Oline: Margit 1931 g m Ivar Halbjørhus, Gunhild 1933 ei tid styrar av Hallingdal Husflid, g m Ole Magne Ransedokken i Gol (har ein gut og ei gjente), Solbjørg 1937 lærar i Hønefoss, Jorun 1944 fysioterapeut g m Odd Lied i Oslo (har ei gjente). - Dei tre yngste gjentene fekk kvar si tomt på Nystølen. Margit og Ivar overtok garden. Dei har desse borna: Vilhelm 1957, Erik 1961, John 1966.

Nørdre Vøлло

Gnr 85, bnr 2, Inr 665. På nørdre Vøлло. Skriveform: Vøлло eller Wøлло.

Ein Andres Vøлло hadde borna: Jon (1724-1813-89) bonde på Myljo-Vøлло, Knut d 1748 ukjent fødselsår, Ivar 1730 d før 1751, Birgit 1731 d før 1751, Olaug 1732 hadde nørdre Vøлло g 1753 m Bjørn Torleivson f i Boyesentida. Han døydde i 1780, men Olaug levde lenger enn han og fekk livauere på garden. Ved skiftet i 1780 vart garden taksert til 170 rdl, men gjelda var på 200 rdl. Borna til Olaug og Bjørn: Andres 1755 bonde på nørdre Vøлло, Torleiv 1759-73-14, Ola 1762, Guro 1764 d før 1780, Åse 1767 d før 1780, Guri 1770, Torleiv 1774-1846-72 bonde i Sjøheim. - Guri vart g 1787 m *Ola* Torleivson Viljugrein. Dei budde på eit Stølen-bruk ei tid, og i 1793 er dei på Reiarstølen. Born: *Barbo* 1789, *Olaug* 1793-1810-17, *Margit* 1804, Bjørn 1809. Andres fekk garden g 1784 m Barbo Olsdtr d 1812, 56 år gamal (ho var kan hende dotter til Ola Helgeson og Margit Ivarsdtr): Margit 1786 g 1810 m soldat Ola Torleivson Kvam i Ål, Olaug 1787-1855-68 g 1817 m Ivar Toreson Eikre, Sigrd 1789, Bjørn 1792-1826-34 bonde på Viljugreinshaugji. So er det Ivar Bjørnson Høvdæ 1746-1827-81 g 1787 m Kari Herbrandsdtr Vøлло 1762-1843-81 som blir bonde på nørdre Vøлло. Om han er det fortalt at han av vanvare kom til å hogge ned brisk i ein skogteig som høyrde Eivind Høvdæ til. Eivind kom der akkurat då. «Høgg du brisk her då,» spurde Eivind. «Ja, æ det nokon, spør det i briskji med,» svara han Ivar. Ivar og Kari hadde desse borna: Eivind 1788, Ingebjørg 1793-1869-76, Herbrand 1801-87-86 bonde på Sletthaug og i Venåse. Ingebjørg fekk garden. Ho hadde ei dotter: *Margit* 1818 med Lars Håkonson Berg frå Ål, men vart ikkje gift med han. So kom Ola Olson Ullsåk, «Store Purkeguten» dei kalla, til Vøлло og hadde tenkt å gifte seg med Ingebjørg. Men han kom or sinne med det og reiste att. Han og Ingebjørg fekk dottera: *Margit* 1821. Endeleg vart Ingebjørg g 1827 m Gudleik Tomasson Krokji (83-7) 1790-1867-77. Det vart sagt om dei at dei var sers hyggelege og lettslege folk, men dei fekk det ikkje noko godt på sine gamle dagar. Gudleik var med i krigen 1814, og då han kom heim att, vart han ein ivrig reinskyttar. Tida etter at onnene var slutt og til snøen kom, vart seinare nytta til å bryte upp jord. Men på Gudleiks tid skjønte dei ikkje nytten av det. Når eplegravsten var over, rekna dei seg for ledige. Dei kørde kan hende litegrand reinejord. Men elles tok dei på med det som fall seg: Somme reiste til Lærdalsøyri etter varer, som dei kløvja heim, eller dei

tok mose eller fiska. Og somme gikk på reinsskytteri. Det gjorde Gudleik, gjerne i følgje med Ola Lien, Ola Lauvset, Torgeir Krokji, Sjugurd S. Bakko eller Nils Venåse, «Keiven» dei kalla. Gudleik var morofuglen mellom dei. Han vart aldri trøytt, humøret var alltid på top. Han slo av seg lenter rett som det var. Og om kveldane kva han, gjerne til langt på natt. Kvedinga heldt han på med like til han var ein gamal mann. Om somrane når han onna upp i Vøllebergo, kva han so folk nedpå gardane berre sto og lydde. Sonen *Tomas* hadde arva hans evne i denne lei, og var elles ein spelfugl av sværaste slag. Når unggutane i grenden skulde ut på eventyr om laurdagskveldane sommarstid, laut dei ha *Tomas* med seg. Han kunna kveda heile natta utan å kveda sama visa. Men det vara ikkje lenge før han song svanesongen sin. Han døydde i nervefeber berre 21 år gamal. Då han lagdest, tok han det som eit varsel om sin burtgang: «No bli're te det at ho Kari (eldste syster hans) fær garden.» - Halvsystera *Margit* f 1821 vart g 1849 m *Henrik* Torleivson Hulbak (d 1909). GamleEivind fortalde at *Henrik* var ein lettli va morosam kar. Eingong etter jul skredderte han i Grøndalsdøkken, og sa då at han vilde arbeide tjuendedagen (13. januar) med. Tjuendedagen var helgedag den gongen. Men denne dagen vart han sjuk, so han laut halde helg likevel. Folk tok det som ein straffedom. *Henrik* rta med huslyden sin. Der døydde *Margit* straks etter, og *Henrik* vart gift att med *Barbo Støyte*, som han var kjend med frå før. *Henrik* og *Margit* hadde ein son: *Gudleik* 1857, uppkalla etter *Margit*s stykfar. - Borna til *Ingebjørg* og *Gudleik*: *Kari* 1828 overtok garden, *Anne* 1831-1923-92 g 1854 m *Svein* Olson *Jordheim*, dei rta, *Sunne* v og *Kari* 1834 d (tvilingar), *Tomas* 1836 d, *Tomas* 1837-58-21. *Kari* fekk garden, og det skorta ikkje på belarar. Men ho tykte ikkje nokon hemsedøl var god nok, men valde *Torleiv* Person *Kinnebergbrøta* frå *Gol*, som ho vart g m 1859. Men om ho var heldig, kan vera eit spørsmål. *Gardsrekneskapen* balanserte ikkje, og so drog dei til Amerika. Borna: *Gudleik* 1860, *Per* 1865, *Tomas* 1867, *Torkjell* 1869. Dei selde garden til *Torstein* Olson *Fausko* 1806-75-69 g 1834 m *Kari* *Eiriksdr* *Dølehuso* 1815-98-83. Dei hadde tent i hop hjå *Knut* *Bakke* og vart kjende der. Dei budde ei tid i *Enda*. *Torstein* slepa fælt som bonde. Med han var i *Enda*, leigde han ei foring upp for *Snikkerhuso*, fortalde *Gamle-Eivind*, og drog foret nord i *Enden*. Eingong hørde han barneskrik frå *Stunde*. Då sukka han og sa: «A ja, e kjenne te slikt e,» han hadde sjølv ein stor barneflokk. Om vårane dreiv han burte og timra. Borna til *Torstein* og *Kari*: *Sigrid* 1836-40-4, *Ola* 1838 bonde på *Vøllø*, *Eirik* 1840 g m *Marte* *Hustadbergji*, dei rta, *Margit* 1842 g m *Tor* *Gullbjørnsrud* på *Kesodden*, *Sigrid* 1844 g m *Knut* *Olson* *Vøllø* bonde på *Døkken* i *Gol*, *Liv* 1846 g 1870 m *Ola* *Olson* *Trøym*, «*Ottar-Ola*» dei kalla, dei rta, *Birgit* 1848-95-47 g 1875 m *Nils* *Olson* *Vøllø*, *Anne* 1850 gift (men uvisst kvar), *Ingvar* 1856-83-27 hjulmakar, *Anne* 1852 rta og vart der g m *Helge* *Arneson* *Berg*, *Halvor* 1855 g 1895 m *Barbo* *Olstdtr* *Plasse* i *Herad*, *Gol*, *Knut* 1859 d ung. - Det var altso 12 born. *Kristi* *Dølehuso*, syster til *Kari* hadde 15, og *Sigrid* *Skøltedøkken*, syster deira, hadde 13. *Ola* fekk garden g 1877 m *Harbo* *Knutsdr* *Groset* 1850-1916-66: *Torstein* 1878-1959 ugift, *Karoline* 1881-1921-40, *Knut* 1884 bonde på *Vøllø*, *Kari* 1888 bur på *Vøllø*, *Anne* 1893. *Knut* overtok garden g 1918 m *Kari* *Kariset* 1883-1966. Bygde nytt fjøs og nye bustadhus heime 1940-44 og nye hus på heimstølen *Helgeset*. Braut ogso upp mykje steinfull jord. Han og broren *Torstein* er dei siste i grenden som dyrka upp jorda med mannemakt. Det var hardt slit og lange dagar. *Knut* var i unge år god timremann og smed og vart mykje nytta i bygden. Han er enno, 90 år gamal, i fullt arbeid med kniv og høvel. I 1957 selde han garden til *Trond* *Kirkebøen*, men heldt att tomt i «*Brekkun*» og bygde seg ny heim der. *Knut* og *Kari* fekk dottera: *Barbro* 1920.

Myljo- Vøllø

Gnr 85, bnr 3, lnr 666.

På Myljo- Vøllø. Skriv seg: Vøllø.

Her budde *Jon* *Andresson* *Vøllø* d 1813, 83 år gamal, venteleg son til *Andres* nørdrø *Vøllø*, g m *Guri* *Torleivsdtr* (f i *Boyesentida*). Dei hadde: *Birgit* 1754-1843-89 døydde som legdslem (ho hadde ein son: *Ola* 1777 med *Nils* i *Finnset*), *Torleiv* 1759 bonde på *Vøllø*, *Andres* 1761 bonde i *Hallen*, *Ivar* 1766-1847-81. *Torleiv* fekk garden g 1787 m *Olaug* *Eikre* f 1755: *Guri* 1787, *Jon* 1788-1878-90 bonde i *Storeluun*, *Embrik* 1790-1847-57 bonde på *Hjelme* i *Grøndale*, *Guri* 1793 uppkalla etter mormor si. Deretter kom *Knut* *Jonson* til *MyljoVøllø*, kan hende ein bror av ovannemnde *Torleiv* *Jonson* Han døydde i 1853, 98 år gamal. G 1787 m *Margit* *Olstdtr* *Bakke* 1764-1862-98. Ho var dotter til han dei kalla *Hølgjison* og vart kalla «*Vølle-vøgga*» av di ho *vøgga* (*vagga*) so på seg når ho gikk. Ho fekk 16 born, men tre var dødfødde: *Guri* 1789 g 1821 m ein *Håkon* *Håkonson*, tvilingane *Jon* og *Kristi* 1791 d, *Jon* 1792-1855-63 bonde på *Vøllø* og i *Turrhaug*, *Kristi* 1794, *Ola* 1795 d, *Ola* 1797-1884-87 g 1832 m *Mari* *Hallen*, bonde på *Intelhusbakko*, *Ola* 1798 g 1828 m *Kari* *Olstdtr* *Fausko* (dei hadde ein son: *Ola* 1828), *Åse* 1800 g 1834 m *Halvor* *Henrikson* *Breie* (frå *Ål*), *Sigrid* 1802, *Halvor* 1804-51-47 ugift, hadde livaure på *Vøllø*, *Kari* 1807-99-92 g m *Herbrand* *Venåse*, *Torleiv* 1812. - *Halvor* skulde

ha gifta seg med ei jente på Sletto i Grøndale, og han fløtte dit. Men gjenta døydde, og han fløtte til Vøлло att og budde der resten av sitt liv. Han var sjukleg. - «Ambjørg Harahaug fortalte mig, at Birgit, søster til Knut Jonsen, f 1754 var g m en fra Grøndal, gammal, vank (vanfør). Han gikk på krykker, når han fridde på Vøлло. Når han skulde legge sig med jenta, la han først ene krykken op i sengen og sa: Der ska du få den eine. så la han op den annen og sa: Der ska du få den are. så la han sig selv Der ska du få kaln med. Hun var hos ham i Grøndalen mens han levde. Når han var død, kom hun til Vøлло at. Birgit døde som legdslem» (HF). - Knut Jonson var oppvaksen på Vøлло, men Tomas Kariset hadde fått tak i garden hans, truleg på grunn av gjeld. Knut vilde kjøpe han att. Folk rådde han ifrå det. «Det æ då kji skam bjø te,» sa Knut. Han kjøpte garden. Og då pengenedslaget kom i 1812, betalde han garden med ein hest og ei kvige. Men då var ikkje han Tomas i vidare godlag. «En goddatter av Knut fortalte mig dette. Og hun la til: Han hadde kji vidare nokon god lykke med dessa goe handele sine» (HF). Jon, son til Knut, fekk garden for 33 dalar. Han fekk ein stor ly og hadde stort forsyn å svara. Det vart eit tungt lass å dra på. I uår visste han ikkje si arme råd. Kokte graut av melde, som han mol. Mange, især Trond Tuv (d 1870), rådde han til å byte gardar med Ola Stunde. Han gjorde det, men angra seg straks etterpå. Margit, kona hans, reiste like til skrivaren på Nes for å få handelen omgjort. Men skrivaren svara: «Ha det skulja munt, måtte du ha vøre her tryå solkomu før.» Handelen måtte stå ved lag. Dei pakka samene det vesle duntriet sitt og drog til Stunde. Men lyen var like stor, og levemåten like snau, ja skralare endå. Dei måtte gie frå seg Stunde og kom so til det vesle bruket Turrhaug, som vel var endå ringare. Jon vart g 1) m Ambjørg Arnulvsdr. Foreldra hennar, Arnulv og Guro, åtte ikkje nokon heim, men heldt til som innadørsfolk i Venåse, på Sletto i Grøndale og fleire stader. Guro for og bad seg. Når ho kom inn på ein gard, kasta ho gjerne posen sin på golvet og gjorde ein dans, er det fortalt. Jon og Ambjørg hadde: Torleiv 1824-47-23 drukna, Knut 1825 rtA og vart der g m ei jente frå Finnset, Arnulv 1828-1908-80 g 1857 m Guri Mekkelstr Skøyte (dei hadde i Hemsedal: *Margit* 1856, *Kristi* 1860), Margit 1829 d som ung i kikhoste, Ola 1830-51-21 drukna, han hadde fallesjuke, Margit 1833-39-6, Jon 1835 ugift, budde i ei stugu på Trøym. Jon vart g 2) 1838 m Margit Ivarsdr Myte 1808-72-64: Ambjørg 1839-1921-82 g m Vilhjelm Harahaug, Margit 1841-72-31 g 1869 m Ola Nilsson Døkk (71-3), Kari 1842 rtA, har 1844 rtA, var heim att ein tur, g m Sigrid A. Ålstveit, Åse 1846 rtA, Guro 1848-1920-72 (med søner: *Jon* Olson 1877 budde uttafør, *Ola* Johanson 1881), Torleiv ca 1850 g 1881 m Guro Bjørnsdr Rustehaugji rtA. So kom Ola Nilsson frå Stunde 1817-86-69 til Vøлло g 1840 m Anne Andresdr Hallen 1811-1881-70: Nils 1840-1930 bonde på Vøлло, Andres 1842-1906-64 ugift, han var timremann, hadde ei stugu på Vøлло, «var i vekst den minste hemsedøl, jeg vet om, han fikk sin grav side om side med min mor, som var den minste kone i bygden» (HF), Barbo 1845 rtA og vart g m Ingvar Ingvarson Lykkjebakko, Guri 1848, Knut 1851-53-2, Knut 1854-1921-67 g m Sigrid T. Vøлло, bonde på Døkken i Gol (i Hemsedal hadde dei sonen: *Ola* 1884), Jon 1856 d. Nils Vøлло g 1875 m Birgit T. nordre Vøлло 1848-95-47: Anne 1874, Ola 1876 bonde på Vøлло, Karoline 1878 g 1905 m Knut Jakobson Hølle, Barbo 1880 g 1920 m Ola Olson Rust i Gol, Torstein 1882 g 1919 m Margit Jakobsdr Hølle, ho døydde 1919, Ingvar 1884, Guri 1888 g 1914 m Ola Jakobson Hølle, Ingerid 1891. Ola fekk garden g 1906 m Ågot O. Snerte 1879-1967. Merkte seg ut som onnug e folk med småe krav til livet. Born: Nils 1907 utdana seg til lækjar, kand. med. 1938, praksis ymse stader heime og mellom kvalfangarane, under krigen var han med og fekk i stand det norske helsekontoret og det norske hospitalet i London, deretter helsekontor i Liverpool og i Bornbay, etter krigen lækjar på Ullevål ei tid, so stadsfysikus i Tromsø og so i Haugesund, arbeidde so ved det norske helsekontoret i New York, deretter stadslækjar i Drammen frå 1964 der han no er busett, fekk Røde Kars fortenestmedalje for innsatsen under krigen, g 1942 m Aud Grøtting f i Elverum 1918, Birgit 1908, ugift bur hjå Andres bror sin i Grøndale, Ola 1910 bonde på Vøлло, Andres 1912 kjøpte sygarden i Grøndale (sjå 86-1), Embrik 1914 gartnar på Nes g m Anna Østnå Bakke (har två gjenter og ein gut), Oskar 1916 (sjå Steinsrud 82-29), Trond 1918 d, Emil 1920 (sjå Flatåker 82-31), Eli 1922 sjukesyster på Nes, g m Knut Tolpinrud, barnlause. Ola vart g 1952 m Gunhild A. Viljugrein og overtok garden ved den tid. Har dyrka upp mykje jord og drivi pelsdyral frå 1932. Har bygt uthus, bu og fjøs på heimstølen Helgeset. Aktiv skyttar og skjønsmann. Vart utkalla under krigen og var sea med i heimestyrkane. Born: *Oddmund* 1953 landbruksskule, *Ågot* 1954 folkehøgskule, utdana hjelpepleiar, *Anders Olav* 1956 landbruksskule og folkehøgskule, *Nils* 1958 yrkesskule, bilmekanikar, *Terje* 1960. - Ola N. Vøлло f 1876 døydde 1976 vel 100 år gamal som den eldste i Hemsedal.

Kroken

Nedlagt bruk under Vøлло.

I kyrkjebøkene er eit par huslydar oppførde som buande på Vølle-eigo, som må vera bruket Kroken. Den eine huslyden er Ola Torleivson Vølle-eigo g 1768 m Helgæ Persdr. Dei budde og på Kyrkjebøn

og på Støle (88-1) og er medtekne sistnemnde stad. Den andre huslyden var Ola og Liv Vølle-eigo, dei er medtekne under Hølle. - Vidare er det nemnt ein Lars Larsson Vølle d 1784 g m Ingebjørg Andresdtr. Dei hadde: Johanne (som fekk ein son: Ivar Jakobson ca 1776).

Høvda

Gnr 87, bnr 1, lnr 671.

i Høvdae. Eldre skriveform: Hofde. Vanleg form no: Hovde.

I manntalet for 1664-66 er oppført ein *Niels Hofderud*, 60 år gamal. Er dette sama garden som det noverande Høvda, vart bruket den gongen rekna som «half Ødegaard». Ein Jakob Høvda og barnet til ein Hallstein Høvda døydde i 1698. Den fyrste huslyden i Høvdae som kyrkjebøkene nemner, er ein Andres, kan hende son til ovannemnde Hallstein, g m Jørønd, og dei hadde ein son: Arne 1707. Opplysningane er for få, men det er truleg at det var denne Arne som vart g m Margit Persdtr Støle. Han døydde i 1728, og det vart skifte etter han på Markegølo 30-6-1728. Skjønsmenn: Eirik Haugstad, Ola Markegølo og Jakob Fausko. Av krøter var det i buet: 11 kyr, 6 kalvar, 8 vaksne sauer, 12 fjorlamb, 8 geiter. Arne og Margit hadde berre eit barn: Margit 1728 (g 1776 m Knut Olson Ton frå Nes). Margit Persdtr vart g 2) 1728 m Eivind Nilsson Tuv 1701-70-69. Dei fekk ein stor barneflokk: Arne 1731-73-42 bonde i Høvdae, Nils 1732, Hallstein 1733 bonde på Øndredal, Anne 1734 g 1752 m Tomas Mekkelson Tufte frå Ål, Herbrand 1735-1813-78 g 1780 m enkje Kirsti Olsdtr Grøndale frå Kyrkjebøn (sjå 68-1), Gunvor 1738, Birgit 1740-41-1, Per 1741 d, Per 1743-1813-70 bonde på Viljugrein, bygdelenmann, Ivar 1746-1827-81 bonde på nørdrø Vølle, Svein 1748 g m ei Velgjerd (dei hadde ein son: *Kristen* 1789), Bjørn 1751-1819-68 bonde på Reso. - Eit bygselbrev frå 20-10-1762 lyder soleis: «Kiendes jeg Undertegnede Jens Borchsenius, Sogneprest til Nes, og hermed vitterliggjør: at eftersom den valgte Domsmand Even Nielsen har ombedt mig at fæste og bygsle til ham sin Søn Arne Evensen den Gaard Holde i Hemsedal som Even Nielsen efter sit Bygselbrev udi 34 Aar haver brugt og nu herefter sin Søn godvillig vil overlade. Jeg da og herved bygsler og fæster bemeldte Gaard Holde beliggende i nordre bygden i Hemsedal og er Nes Prestebol tilhørende, skyldende i Matrikkelen et Skind, tilovennævnte Arne Evensen hvilket han herefter skal uhindret bruge og det med Ager og Eng, Slaatter, Lader og Lunder, Fiskevand og Fægang og al anden Herlighed som den tilligger og med rette tilligge og følge bør aldenstund han svarer deraf de kgl. allernaadigste paabudte Skatter og Afgifter, sin Landskyld og Rettighed i rette Tid, Gaarden med dens Huse holder i forsvarlig Stand og Skogen ej udhugger og ellers i alle Maader som en retscaffen Leilending sig tilbørlig forholder. Bygselpengene ere mig lovlig betalt, hvorfor og dette mit Bygselbrev inden Tinge kan lyses og forkyndes.» Arne Eivindson hadde Høvda. Han vart -- som soldat - g 1754 m Ambjørg Knutsdtr Grøndale f 1732. Dei hadde: Dis 1754, Margit 1756, Eivind 1758 bonde i Høvdae, Birgit 1761, Anne 1764, Nils 1767 bonde på Heggjåstad i Grøndale (sjå 86-9), Kari 1770-71-1, Knut 1772. - Etter at Arne var død, vart Ambjørg gift att med Knut Tuv. Eivind fekk garden. Vart g m Margrete Olsdtr Ton frå Nes, som døydde 1829, oppgjeven alder 72 år. Etter det folk har fortalt, var ho eit vakse kvinnfolk. Om haustane sat ho uppe på heim stølen på Høvdenuete og let i lu (lur) so ein kunna høyre det radt åt Grøndale. Det var i bruk å låte på lu i gamal tid. Dei varsla gjetsleungane på den måten når dei skulde koma heim til dugurds eller kvelds, og ungane badde gjerne lu med seg til å trøyte tida med og til eigen hugnad. Eivind og Margrete hadde: Ambjørg ca 1788-1871-83 g 1811 m Helge Berg, Arne 1791-1813-22, Mari 1793, Margit 1796 g 1828 m Per Gunnvaldgarde, Margit 1798-1886-88, ho vart fyrst g m Ola Kariset og sea med Ingvar Fausko, Ola 1802-77-75 bonde i Høvdae. Ola vart g 1827 m Ingerid Arnesdtr Viljugrein 1809-90-81: Eivind 1828-1902-74 bonde i Høvdae, Arne 1831-1909-78 bonde i Berg, Knut 1833-78-45 ugift, døydde av tæring, Margrete 1838-77-39 g 1857 m Ola Eirikson Vølle, Arne 1842-68-26 ugift, handelskar, døydde av tæring, Anne 1848 d. Eivind fekk garden g 1863 m Anne Løvehaugji 1834-1924-90: Ingerid 1864 g m Tomas Kariset, dei budde på det no nedlagde bruket nedre Øygarden under Øndredal, Anne 1867 g m Ola Trondson Jordheim, Margrete 1869 g m Knut Kariset, bonde på Bakke, Birgit 1873 g m Per Løvehaugji (sjå 89-7), Ola 1875-76-1, Ola 1878-1956 bonde i Høvdae. Ola vart g 1906 m Margit Olsdtr Kariset 1879-1966: Anne 1907 bur heime, ugift, Kristi 1909 g m Olav Lokreim frå Borgund, busett i Gol, har två gjenter og ein gut, Ingerid 1911 (sjå Helling under Trøym 68-67), Maria 1914-67, Olga 1916-39, Kari 1920 g m Asbjørn Frydenlund, dei bur i Oslo, har ei gjente og ein gut, Øyvinn 1922 har garden, Olav 1926 g m Else Hansen frå Hurum, dei bur i Oslo, har ei gjente og ein gut. Øyvinn overtok garden. Har kjøpt attåt *Bergostølen* på Kljåe av Arne Berg. Kari og Olav har kvar si hytte i Høvdae: Kula og Haugen. Ei hyttetomt er selt til Ole Flatland. Øyvinn bygde nye uthus i 1952.

Haugen ved Høvda Nedlagt bruk.

Dette bruket er nemnt i eit skiftebrev 1753. Eigaren, Anfin Eivindson, var då død. Han var g m Jørønd

Eiriksdtr. Dei var barnlause. Hans utarvingar var broren *Bjørn* Eivindson, som då var død. Han hadde vore g m *Barbro* Embriksdtr, og dei hadde två born: *Eivind* og *Guri*. Dessutan hadde han ei syster: *Olaug* g m *Knut* Hallsteinson Hallen. Ho var død i 1744, 54 år gamal.

Kariset eller Øygarden

Gnr 92, bnr 1, lnr 688.

På Øygarde. Skriveform: Ødegård.

Plassen *Kariset* hørde opphavleg Viljugrein til og har truleg vore støl frå fyrst av (*Karistølen* kalla). Vart sea vanlegvis kalla *Øygarden*, men til skilnad frå *Øygarden* ved *Øndredal*, vart gjerne det gamle namnet *Kariset* nytta. Bruket er ikkje nemnt i skattematrikkelen av 1647 og heller ikkje i manntalet 1664-66. Det fyrste dokumentet vedkom ande bruket er innført i pantebok nr. 1 (1690-1702) og lyder so: «Kiender jeg Hans Jonsen boende paa Willumgreen i Hemsedals Annex underliggende Nes Præstegield i Hallingdalen og hermed vitterliggiort at jeg af egen fri Vilie og velberaad Hu haver opladet og afstaaet saa og hermed oplader og afstaaer for min kjære Værbroder Mikkel (Jørnsen eller Toresen) boende paa Willumgreen i forbemeldte Hemsedals Annex, 4 Løbel Gods udi hans paaboende Gaard Willumgreen med den underliggende Plads Karisæt og det med al sine rette Tilliggelser, som der nu tilligger og af Arilds Tid tilligget haver, eftersom han dertil er nærmeste odelsbaaren fremfor nogen anden. For hvilken Afstaaelse han haver givet og betalt mig efter mit eget Nøye Penge 40 Rdl. saa jeg kiender mig og mine Arvinge ingen ydermere Lod, Deel, Ret eller Rettighed til eller udi forbemeldte 4 Løbel Gods udi Willumgreen med den underliggende Plads Karisæt eller noget den tilliggende, medens det alt herefter at følge og tilhøre forbemeldte min kjære Værbroder Mikkel, hans Hustru, Barn og Arvinge til evig Odel og Eiendom, om nogen Mand til- eller paataler den derpaa med Rette vilde eller kunde i nogen Maade, saa han og hans Arvinge af mig og mine Arvinge herefter skal der og blive uden Skade og Skadesløs holdende. Til Vidnesbyrd haver jeg mit Zignet her neden under trykt, samt venlig ombedet de Dannemænd Sifuer Willumgreen og Paal Midt-Anderdal med mig til Vitterlighed at forsegle. Actum Willumgreen d. 12te Desember 1685. Hans Jonsen (buemerke).» Den fyrst nemnde i kyrkjebøkene er ein *Tomas Kariset*. Han hadde ei dotter: *Gunhild* 1724 g 1746 m *Hallstein* *Jehanson* *Viljugrein*. So er ekteparet *Torleiv* og *Barbo Kariset* nemnde under *Øyn* ved *Viljugrein*. Vidare ein *Pål Kariset* med dotter: *Ragne* 1764. Per *Torleivson Kariset*, son av førnemnde *Torleiv* og *Barbo*, f 1754, døydde på *Kongsberg* 1784, oppgjeven alder 30 år g 1777 m *Mari Jørgensdtr Venåsbakko* f 1755. *Mari* vart g att 1788 m *Bjørn Reso*. Borna til Per og *Mari*: *Jørgen* 1776-77-1, *Torleiv* 1778 d, *Gunvor* 1781. *Tore Knutson Finnesgard* g m *Birgit Persdtr Støle* d 1884 budde på *Kariset*. Dei hadde: *Liv* ca 1754 uppehaldt seg 1784 utpå bygdo, *Knut* ukjent fødselsar reiste til sjøs. På skiftet etter *Birgit* var det 80 rdl til deling. So kjem til *Kariset* *Tomas Hallsteinson Viljugrein* 1756-1828-72 g 1777 m *Anne Halvorsdtr Lien* 1741-1839-98. Då *Tomas* og *Anne* gifta seg, åtte dei ikkje sengklede eingong. Han hadde ein feld og ho brukte stakken sin som kvitil. På det viset greidde dei seg ei stund. Men dei hadde vet på og kans til å kare bra til seg av mammon. Det vart både feld og kvitil og gard og grunn og hundre på hundre å låne burt. Både *Tomas* sjøl og garden vart kalla *RikeØygarden*. - Onsdag 22-12-1830 var det skiftesamling etter *Tomas* på *Olsgard* i *Nes*: *Anne* fekk 100 spd, sonesonene *Tomas* og *Ola Øygarde* fekk kvar 769 spd, 4 mark og 21 skilling, sonedøtrene *Anne* g m *Ola Lien*, *Ingerid* g m *Jon Hustad* og *Gunhild* fekk kvar 388 spd, 4 mark og 13 skilling. Delingssum i alt 2706 spd, 3 mark og 9 skilling. Det var ganske mange pengar den tid. Og han hadde dessutan skifta ein del ut då borna gifta seg. Buet hadde pengar til gode hjå mange, hjå somme frå ein 2-3 dalar og upp til 30, hjå andre upp til 200-300 dalar. Desse er nemnde: *Jakob O. Huso*, *Herbrand K. Trøym*, *Per Viljugrein*, *Ola Tronson Øndredal*, *Torleiv Olson Tuv*, *Ola M. Lauvset*, *Endre I. Øygarde*, *Ola I. Lykkjun*, *Ivar O. Rudningji*, *Jakob P. Hølle*, *Jon K. Vøllø*, *Embrik K. Huso*, *Sevat O. Ullsåk*, *Hallstein M. Lauvset*, *Torleiv T. Øygarde*, *Eivind M. Grøndale*, *Nils P. Moe*, *Knut O. Hulbak*, *Herbrand B. Purkestad*, *Embrik R. Reiersletten*, *Eivind B. Øndredal*, *Ivar S. Jordheim*, *Vilhjelm H. Støyte*, *Torleiv P. Strønden*, *Anfin O. Sletthaug*, *Nils A. Heggjistad*, *Trond E. Eikro*, *Tore Rusto*, *Eirik E. Haug*, *Nils A. Venåse*, *Steingrim O. Torset*, *Knut P. Hølle*, *Hans T. Flaten*, *Guri O. Kyrkjebøn*. - Folk trudde at *Rike-Øygarden* hadde dragardøkka, eit overnaturleg vesen som drog pengar og anna åt husbonden sin. La dei ein dalar til henne om kvelden, var det två om morgonen, som dragardøkka hadde rappa til seg andre stader ifrå om natta. *Tomas* hadde det med det at dersom han var skuldig pengar til nokon, betal de han aldri alt på ein gong, men kom med resten seinare. Då hadde dragardøkka i mellomtida vore ute på røvarferd, trudde folk. *Tomas* og *Anne* fekk berre eitt barn, sonen *Ola* 1779-1816-37. Han var ikkje far sin lik korkje til å tene pengar eller bruke dei på rett måte. Det siste skal ikkje vera mindre kunst enn det fyrste. Faren var lei for dette og let ikkje sonen få skøyte på garden av den grunn, er det sagt. Det gikk som ordtøket seier: Etter ein samlar, kjem det ein spreidar. - *Kariset* hadde den gongen støl på øvre *Liostøle* i *Storeskarområdet*. Tidleg om morgonen den 21. juli 1816 gikk *Ola* frå huslyden sin på *Liostøle* og kom ikkje att. På stølsbrua låg det eit

viuknippe. Dei meinte det var etter han. Dei fann han flytande i elva eit stykke sunnafor. Korleis det hadde gange til, visste ingen. Men folk trudde helst at han hadde teke livet av seg ved drukning. Faren levde endå i 12 år. Om han var like glad i pengar som før, seier ikkje soga noko om. Ola hadde gifta seg 1804 m Sigrid Olsdtr Brandvøl 1783-1864-81: Tomas 1804-38-34 bonde på Kariset, Anne 1807-85-78 g 1824 m Ola B. Lien, Ingerid 1810-95-85 g 1829 m Jon I. Hustad, Ola 1813-84-71 bonde på Kariset, Gunhild 1816 g 1838 m Knut I. Hustad, dei budde ei tid på Eikro og reiste so til Amerika. Tomas vart bonde på Kariset g 1824 m Margit Eivindsdtr Høvdæe d.y. 1798-1886-88. Tomas fekk *kreft* i strupen og døydde tidleg. Margit vart g 2) m Ingvar Olson Venåse på Fausko. Borna til Tomas og Margit døydde alle som småe: Ola 1825 d, Sigrid 1827 d, Ola 1830 d, Sigrid 1835 d. Ola, bror til Tomas, kjøpte so Kariset g 1836 m Margit Arnesdtr Viljugrein d.e. 1814-98-84. Ola var ein stillfarande, fredelskande mann som freista å døyve usemje. Ein meinlaus mann i heimen og grenda. Eingong var han ute for ei stygg ulykke. Han kom køyrande med eit forlass etter den gamle køyrevegen på solsida i Galdan i Mørkedale. Der datt han av lasset, glei over rekkverket og utover det bratte svaberget ned på elveisen. Han låg i uvet ei stund, men kom seg. Ola og Margit hadde: Sigrid 1837-1915-78 g 1858 m Aslak Torson Bakke, Ola 1841-1918-77 bonde på Kariset, Anne 1844-1901-57 ugift, sjukleg i lang tid, Arne 1847-62-15, Tomas 1850-1929 bonde på Øndredal 74-3 (sjå der), Knut 1854-1936 bonde på øvre Bakke (sjå 83-5), Ola 1856-77-21 sjuk i fleire år. Ola d.e. fekk garden g 1873 m Kristi Ingvarsdtr Grøndale f 1845. Ola datt overende ein sommardag han onna og slo seg så han vart liggjande sjuk. Etter två veker døydde han. Born: Ola 1873-1942 bonde på Kariset, Ingvar 1876 rtA, Margit 1879 g 1906 m Ola Eivindson Høvdæe, Kari 1883 g 1918 m Knut Olson nørdrø Vøllo, Arne 1886. Ola overtok eigedomen g 1900 m Liv Andresdtr Øndredal 1870-1955. Dei hadde: Ola 1901-02-1, Ola 1902 bonde på Kariset (no: ødegård), Andres 1904 (sjå Bjerkelund 92-4), Ingvar 1906-37 ugift, Torleiv 1908 (sjå Nymoen 92-5). - Ola var kommunemann. Sonen Ola overtok garden 1935 g 1930 m Margit O. Fekjo f 1905. Dei har: Olav 1930 har no garden, Liv 1931 rtA og vart der g m Sigmund Tenold frå Vik i Sogn (ein gut og ei gjente), Margrethe 1939 g m Alf Tømmervold (sjå Bekkestad 82-21). Ola bygde uthus på garden 1936. Olav tok imot garden 1964, g 1962 m Astrid Synnøve Granberg frå Eidsberg. Har vølt om og bygt attåt på husa og byrja med campingplass på Karistølen. Garden har støl på Fagerset (i Kølleviken). Born: Ole Johnny 1962, Vidar 1964, Kjell Morten 1969, Bjarne Christian 1973.

Andre som døydde på Kariset:

Andres Tomasson Kariset 1711, 76 år gamal. Kari Torleivsdtr 1765, 43 år. Birgit Persdtr 1767, 43 år. Tore Person 1773, 52 år. Jartrud Torleivsdtr 1773, 49 år. Den 13. juli 1857 bar det til ei ulykke i nærleiken av Kariset. Tenestfolka på øvre Tuv, Ola Nilsson Viljugrein (eller Flatsjø) og Anne Knutsdtr Høgehaugji, drog ved nonsbel nordover vegen til svingen straks nordafor Kariset. Der skulde dei ro Over Mørkedøla og rispe lauv burta åne. Sunnev Berg var med dei ho og. Gudlaug Tuv sto ved glaset i kammerset sitt og sag på då dei muntre og lystige gikk nedover gardstunet der med rispateinene sine. Åne hadde fløymt upp og gikk stri. Ola greidde ikkje å styre båten, straumen var for sterk. Dei var komne so nær innåt landet på hine sidun at Sunnev bykste i land og fekk tak i eit vierkjørr, men dei hine kom seg ikkje til lands, men drukna. Det var likferd den 18. juli. Det gikk det ordet i bygden i lang tid etterpå, at folk kunna høyre skrik frå elva når det vart mørkt, og i vegsvingen der vart hestane redde. Spøkriet nord for Kariset var i lang tid vanleg samtaleemne i bygden.

Nymoen

Gnr 92, bnr 5. Ny bustad.

Torleiv, son til Ola og Liv ødegård (sjå Kariset 92-1), fekk ein part av eigedomen: *Nymoen* 92-5. Han skriv seg Tollef Ødegård. Vart g 1942 m Inger Gram frå Borgund. Born: Liv 1942 g m Ove Kullerud i Hønefoss (har ein gut og ei gjente), Ole 1944 maskinførar g m Eva Rognemyhr (sjå Solhaug 92-15), .Jonn 1946 finmekanikar g m Margit Karlsen frå Toten (ein gut), Ingvar 1947 verktymakar g m Reidun Wataker frå Hol (ein gut), Leif 1949 platearbeidar g 1973 m Mette Karin Nilsen, Oslo. - Frå Nymoen er det selt eit bustadfelt til kommunen. I utleigebustad her bur Oskar Arnt Lægredid frå Hol f 1935, som arbeider i Langehaug Entreprenørforretning A/S. G m Karen Sofie Wigdal frå Strinda f 1940. Born: Ole Jonny 1962, Liv Turid 1964, Marianne 1966.

Bjerkelund

Gnr 92, bnr 4. Nyare bustad.

Andres ødegård f 1904 bygde her i 1936, g 1929 m Oline Bråten f 1900. Born: Ola 1930 (sjå Fredheim 92-12), Birgit 1935 g 1963 m Arvid Skaret, dei bur i Oslo, Liv 1937 g 1963 m Sven Kristiansen, dei bur i Oslo, .John 1940 g 1966 m Marit Helling, dei bur i Oslo. Like ved på sama

tomten bygde Anne Bråten seg hus i 1940. Anne f 1897 gifta seg i 1942 m Knut i. Wøllo f 1897. Dei bur her. Knut var i mange år sjefsgjætar hjå Filefjell Tamreinlag. Ein seig fjellmann og dugande leiar.

Fredheim

Gnr 92, bnr 12. Ny bustad.

Bygt 1967. Eigar: snekker Ola Ødegård f 1930 g 1958 m Jorunn Østerås Nordstad frå Trysil f 1936. Born: Laila-Iren 1963, Arne 1965.

Solhaug

Gnr 92, bnr 15. Ny bustad.

Bygt 1973. Eigar: maskinkøyrar Ole T. Ødegård f 1944 g 1965 m Eva Rognemyr frå Nes f 1946. Born: Jan 1966, Tore 1969, Geir 1970.

Grøndalen

Dalføret kløyver seg ved Tuv, og so har ein Grøndalen til høgre, som kan hende har fått namnet sitt av di det var ein grøn og vakker dal, eller fordi gardane der var gode grjøn- eller korn-gardar. Den gamle kløvjevegen nordover til stølslaget Mørekvam gikk frå Tuvs-brun nordover på vestsida av Grøndøla forbi Fagersetvatnet og over på solsida att ved Stunde, der det var ei bru. Då det vart arbeidt kjerreveg, vart han lagd på solsida framom Vøllegardane, upp Brekka, forbi heimstølane på Flatsjø, Muren, Helgeset og vidare nordover innom eller forbi kvar gard som best det let seg gjera, ofte over gardstunet. I Nordigarde gikk han jamvel under låvebrua. Han var krokut og bakkut og med mange grindar - 9 frå Brekkun til Hjelme. Og han var svingut og smal med steingjerde på båe sidene. Ikkje vart han brøytt og kunna difor vera lei å fara i fælasfölden (førefallet). Ny og meir moderne veg vart ferdig i 1950-åra. Grøndalen var kjent for sitt gode forlende, og buskapane på bruka og gardane var etter måten store. Det var krøterhaldet som i stor mun var næringsgrunnlaget. Bruka hadde då ogso svært mange utslåt er forutan stølane. I nyare tid er mange av desse upp dyrka eller utlagde til kultur-beite, og stølsdrifta har det gange mykje til atters med. Stølane som høyrde Grøndale til, var Torsbu, Heggjilette, Klanten og Mørekvam, og Feten og Bulie i dalføret til vinstre. Veing var det ikkje so rett lite av: reins skytteri i eldre tid og i nyare tid snarefangst av hare og rjupe. Og so «låg dei ette røve», som det heitte, dvs. dei skaut han på åte. I 1924 vart det skipa eit tamreinlag i Hemsedal, som forresten vart oppløyst og nyskipa att eit par gonger. Ola J. Grøthe var gjætar for dei två fyrste og medeigar i det tredje (oppløyst 1950). Turistferdsla har teke seg svært upp her som andre stader, især etter krigen, og det er bygt ei mengd med hytter rundt omkring på gardane og stølane, ei god inntekt for mange. I Grøndale var det so å seie berre lauvskog. Men det er planta ein del gran i nyare tid. Gamal sed og skikk og levevis heldt seg etter måten lenge. Det er ikkje før no i nyare tid det har snudd på seg i so måte. Folket her hadde frå gamalt ord på seg for å vera onnige og omtenkssomme i styre og stell. «Jeg tror jeg kan si at her har man fjellfolkets karakter i rendyrking. For mig ser det ut som alle dyder der adler fjellfolket, er samlet her. Naturligvis er det undtagelser, sprukne pottes i alle land. En mann fra Sørbygden, som var med i ligningsnevnden og før var ukjent med forholdene i Grøndalen, sa: Det va ein rar peingrok! Måtte Grøndal og hele bygden med den ha vet å ta vare på sitt gamle adelsmerke. Beholde fedrenes simple, enkle levevis! Nu bryter bykulturen inn som en veldig syndflod og river overende de gamle skikker i alle ting: I bygningsmåte, i husbunad, klededrakt, matstell og selskapsliv. Jernbanen og jobbetiden (etter fyrste verdenskrigen) har gitt det nye en veldig fremstøt», skreiv Hans Flaten i 1923. Fallrettane i Gjuva vart selde til Aker kommune i byrjinga av 1920-åra, men utbygginga kom ikkje i gang før etter samenslåinga med Oslo. Oslo Lysverker byrja med dette arbeidet i 1957. Gjuva kjem frå Vavatnet, som har stort nedslagsdistrikt. Det er ikkje oppdemt, men vassmålet blir senka 8 meter. Det går i tunnel utpå fjellbrauta og derifrå i røyrgate ned til kraftstasjonen på søre Grøndalseigedomen. Det er høge og bratte dalsider i Grøndale, men heldigvis har det ikkje vore mykje av snø- og jordras, burtsett frå sommaren 1959. Då kom det brått eit lokalt striregn med toever, ei bræse som folk aldri hadde opplevd maken til. Det nådde frå Klante sørover til Nordigarde. Det vara berre två-tre timar, men mykje dyrka mark vart øydelagd og hus med. Ei smågjente var nær ved å bli teken av raset sunna stølen til Kristen Vente. Nede i Hemsedal dreiv dei på med turrforkøyring den dagen og kunna ikkje skjøne at elva brått kom veltande kvit som ein foss. Jamfør biletet s.397. Grøndalen var ein skulekrins fram til 1956. Frå då av vart skuleborna køyrde til skulen på Tuv. Skulehuset frå 1883 vart selt, men lærarbustaden blir nytta til grendehus. Skatte matrikkelen for 1647 nemner ingen gard med namnet Grøndal, men manntalet for 1664-66 nemner tre: *Asle Amphinson Grøndal* 60 år gamal, *Ørjans Grøndal* (utan farsnamn) ogso 60 år gamal og *Sigvart Grøndal* (her er

korkje farsnamnet eller alderen oppgjeven). alle tre gardane er rekna som halve øyegardar. Det er verdt å merke seg at skattematrikkelen av 1647 ikkje gjev upp bygselbruk, dei blir skattlagde samen med garden dei høyrer inn under. Etter namnebruken å døme må ein kunne gå ut ifrå at det frå lang tid attende har vore tre gardar i Grøndale: *Sygarden*, *Meggarden* eller *Medgarden* (garden i midten) og *Nordigarden*. Sygarden vart so delt i två og sea i tre. Derifrå er utskilt *Træe*, *Døkkji*, *Groset* og dei nedlagde bruka *Vårstølen* og *Hallsteinhuse*. *Dekko* er kome undå Fausko. Meggarden åtte mykje på vestsida frå Tuvsstølen Slette og nordover til Vente, so undå Meggarde er dei komne desse bruka: *Heggjistad*, *Stunde*, *Vente* og dei nedlagde *Storeluo* og *Stakkestøe*. Likeeins eit *Surre* som ikkje er nemnt i kyrkjebøkene. (I min barndom høyrde eg remsa: Surre o Stunde o Vente te Enden kjem. OR.) Nordigarden hadde alt nordafor garden: Nedre *Grøndalshaugen*, søre og nordre *Hjelmen* og dei nedlagde bruka øvre *Haugen*, *Nihaugen*, *Snikkerhuso*, *Myljo-Hjelmen* og *Enden*. *Sletto* og *Tubba* var ei tid Trøymseigedom.

Dekko

Gnr 82, bnr 8, lnr 656 e. I Dekko.

Dekko på austsida av Gjuva var kome undå Fausko. Gamle-Eivind hadde hørt at det i Dekko skulde ha butt ein mann dei kalla Teten. Meir visste han ikkje. (Upp navnet har kan hende samheng med at han likna på ein tet eller ei tete, dvs. ein småfugl: han må i so fall ha vore liten og spebygd, ein liten fugl å kalle. OR.) Ola Jakobson Fausko 1805-89-85 budde i Dekko g 1831 m Guri Andresdtr Hallen 1804-67-63. Ola var bror til Tore Fausko, sa han Gamle-Eivind. Ingvar Fausko spurde eingong han Ola Dekko: «Kem ha du fått garden din hjå, du?» «E ha fått'n hjå bror mine,» svara han Ola. Borna til Ola og Guri: Dis 1832-70-38 g 1963 m Trond Groset, Jakob 1835-1918-83 bonde i Dekko, Andres 1838 bonde i Ludderud i Gol, Ola 1843, Knut 1846-1913-67 bonde i Træe. - *Andres* vart g 1871 m *Gunhild* Torsdtr Bakke. Han dreiv noko handel med gardsvarer, og han var ein god gråsteinsmurar. I Hemsedal hadde Andres og Gunhild: *Guri* 1872, *Ola* 1874-1922-48 bonde i Ludderud g m Kari Anfsndtr Laggarbøta. Ola og fleire av syskina hans døydde av tæring. Jakob fekk foreldregarden g 1863 m Liv Knutsdtr Groset 1842-1915-73. Jakob var ein stillvoren, snill mann: Ola 1865-1935 bonde i Dekko, Knut 1868 bonde på Bakke, Ola 1871-94-23, Guri 1875-89-14, Andres 1879 bonde i Døkken i Grøndale, Kari 1881-1907-28 døydde av tæring, *Halvor* 1885. Ola d.e. fekk garden g 1891 m Ingebjørg Olsdtr Grøv frå Vang i Valdres 1866-1957 (ho var av hemsedals-ætt, foreldra hennar var Ola Trondson Brandvøl g m Liv Mekksdtr Fausketeigji). Då syskinbarnet til Jakob Dekko, han Andres Venåse døydde i 1899, hadde Ola og Ingebjørg søre Venåsbakko nokre år, men kom so åt Dekko. Ola var ein flink arbeidskar, dreiv ogso som timremann. Var formann for vegarbeidet åt Hyddale og fekk som påskjøning for det ei lommeklokke som julegåve i 1920. Knut Groset og Ola Dekko selde store fall rettar i Gjuva til Aker kommune i 1918. Ola og Ingebjørg hadde: Jakob 1893-1919-26, Ola 1897-1956 bonde i Dekko, Knut 1903-72 g m Guri Baggetun frå Vang i Valdres (hadde ei gjente), Knut var ein glup hestekar og hadde mange hingstar i si tid. Ola vart g m Birgit Solheim f 1905. Dei hadde: Jakob 1926 buss førar i Drammen, g m Anne Marie Høsøen, dei bur på Lierstranda (har ein gut og ei gjente), Ingebjørg 1928 g m fabrikkarbeidar Kåre Kleve, Mjøndalen (ein gut og ei gjente), Oskar 1930 maskinmeister ved Hemsedal Meieri, Arne Olav 1937 vaktmeister ved Hemsedal barne- og ungdomsskule, Solveig 1940 g m Per Liahagen, Nesbyen (ei gjente og tre gitar), Anne Marie 1945 g m linearbeidar Ragnar Ulviksbakken frå Borgund (sjå Synhaug 67-102). Ingen av sønene hadde hug til å drive det steinfylte og tungdrivne bruket, og garden vart selt til Trond Kirkebøen, som la eigedomen ut som hyttefelt. Det er 110 utbygt med 30 utleigehytter, butikk og kafeteria og har fått namnet: Helgeseth Feriesenter Det ligg fint til i solhellinga. Frå Dekko og upp på fjellet sør for Fjellstølo er det bygt skitrekk (1968), og ved sida av skitrekket er det slalåmbakke. Uppe på fjellet er det bygt mange hytter. Dekko hadde heim støl på Fjellstølo og langstøl i Vabuleino, i eldre tid ogso i Nord-Hyddale, men stølsbruket er det slutt med.

Solberg

Gnr 82, bnr 34. Ny bustad.

Då Birgit Dekko selde gardsbruket til Trond Kirkebøen i 1956, kjøpte ho stedet: *Solberg* av Nils Bekkevold. Ho og sonen Arne Olav bur der no.

Døkkji

(Grøndalsdøkkji)

Glir 86, bnr 4, lnr 667 c. I Døkken. Skriveform: Dokken.

Der bygde og budde Eivind Eivindson sygarde Grøndal 1808-89-81 g 1834 m Kristi Jakobsdtr Huso i Lio 1810-84-74: Sigrd 1835 g 1866 m Torstein Knutson Bakka i Gol, Eivind 1837-1919-82 bonde i Resabakko, vanleg kalla Gamle-Eivind, Jakob 1839 d, Anne 1842-49-7, Kristi 1844 g 1877 m Tomas Elbjøro i Gol, Jakob 1846-1923-77 bonde i Døkken, døydde brått, Ola 1849-64-15, Anne 1856 g 1885 m Anker Olson Haga i Gol (ho hadde før ekteskapet ein son: *Ola Larsson* 1877). «Blandt de mange ting Gamle-Eivind fortalte mig var også at han var militær i 1864, da de lå på Gardermoen og ventet på at de skulde til Danmark og hjælpe dem i krigen mot Preussen. Du var vel bangen da? spurte jeg. Å nei, var ikke det heller, sa han. Endnu i hans militærtid var det skikk at soldaten skulde ha med munderingen til heimbygda og legge den ned på en gård. Folkene der skulde passe klærne og reparere mangler ved dem bl.a. strikke nye «fødslu» på sokkene. På den gård hvor de la ned klærne sine, hadde de «legde" si, sa de. Eivind hadde legde si i Grøv. Nils Snuserud hadde legde si på Viljugrein, og så fikk de byttet legder. Men det blev slutt på legden sist på jeg tjente, sa han. Ved messen i Hemsedal nyttårsdagen stod soldatene opstillet i full mundering på kirkebakken under tilsyn av en sersjant» (HF). «Den fyste eksisturen min va i 1860, flaumvåren,» fortalde GamleEivind. «Då me kommo att, va alle brynatn reist. Ja, Svenkjiru-brune låg, men Heslabrune og Robrune va reist. Ved Heslabrune va det lagt plankar over Åne. Ei fyrbels brun va lagt nedafør Buksegarde. e va på Tørpo-moe o tok imot munderingen mine hjå kaptein Dunker, som budde i Gullhaga te han døydde. Då vart Gullhagjin selt. Huvubygnan vart sett upp att på prestegarde i Hol. På Tørpo-moe gikk det tvo kjempekara: Knut o Tøsstein Dengjiru, som reiste te Amrikka sea. Dunker skjende på'n Knut, som gjorde eit heil kast på marken, då Dunker gikk ifrå hono. Tøsstein fekk eine kjakabeinet sundtsligji i eit slagsmal på Lærdalsøyrn. E ekserte på Tandberg-moe og Gardernoe. Tente i fem år. Unggutatn ekserte i 30 daga. Siste turen på Gardernoe va e der i 9 viku. I 1862 va det lyst leir på Gardernoe Pålag krig. I 1864 va me 12,000 mann der. På moe fekk me maggjæl te nons ein dag o flesk den are. Gryngraut va det ancor kveld. - Han Svein Løkji - LøkaSveidn dei kalla - far hass Eirik Løkji på Tørset, o far min kom frå ein eksistur o kvilte på Nes. Svein tok ei brølefse frå'o far o braut ho sundt i småe møla. Ettepå ga'n ho far eit nevaslag og tok spranget. Far fekk med se han Toræ-Tølleiv (Resa. bakko), o dei vilde ta'n Svein. Svein va svint te å stikke *teo* Tølleiv, o so tok'n spranget are venda, so dei kji treftest meir. - Då e vaks upp, va det ingjin i Grøndale som kunna gjera ein slee. Dei voro heim i bygde med ebningstree te o Trond Tuv (d 1870) som tok ein dalar for å gjera ein slee. Ja, han Mekkel, mann henn Barbo, gjorde nøkk engon sleen han med, men det va berre uvande slea.» Jakob fekk garden g 1) 1878 m Gunhild Olsdtr Ellbjøro frå Gol 1851-1906-55, ho døydde av hjartefeil. Dei hadde: Kristi 1879 g m Olav Todøkk Imre, dei busette seg uttafør, Eivind 1882 busette seg og uttafør, Birgit 1885, Ola 1887-1907-18 døydde av poliomyelitt. - Jakob vart g 2) 1912 m enkje Ingebjørg Knutsdtr frå Bakka i Gol. Barnlause. Dei selde garden sin (for kr. 7000) til *Andres Dekko*. Andres Jakobson Dekko 1879-1953 g 1914 m Kari Trondsdr Grøndalshaugji 1888-1956 var ein sers hendug kar. Han laga all reidskapen sin sjøl, både trevyrket og smedarbeidet. Gjorde seg ogso svarvarstol og dreiv noko med svarving. Timremann var han og. Vølte om husa, bygde hytte til utleige og braut upp mange mål jord både heime og på stølen i Bulin. Likeeins dyrka han upp dei fleste av dei slåttene som høyrde garden til: Kvednadalen, Storeslåtta, Femdøraluo og «myljo æno» (mellom elvane). Borna til Andres og Kari: Liv 1915, Jakob 1919-65, Trond 1922 møbelsnikker g m Ragnhild Gjerden frå Gol, dei er busette på Nes (har ein gut og ei gjente), Karoline 1924 g m fabrikkarbeidar Per Jarneid i Oslo (ein gut og ei gjente). Jakob overtok garden. Han var som far sin ein hendug arbeidskar. Utan å ha gått i lære, tok han på med å reparere klokker og fekk dei som regel i stand att. Jakob var mest interessert i sau og minska på kyrhaldet. Då Jakob fall burt, heldt Liv, syster hans, fram med gardsbruket i Døkken, dreiv mest med sau det fyrste og tok so til med høns. Jorda vart burtleigd. Likeeins leigde ho burt husvære til byfolk, både heime og på stølen. Garden hadde kvednahus og vass-slipe i Gjuva fyre utbygginga. Den gamle smio på garden er framleis i fullgod stand, men har ikkje vore brukt etter at Jakob fall ifrå.

Groset

Gnr 86, bnr 2, Inr 667 b. I Groset. Skriveform: Groset eller Groseth.

Han Gamle-Eivind trudde at det var bestefar hans, Eivind Mekkelson (d 1848), som bygde i Groset då han var ein gamal mann. Etter han skulde sonen Knut, Groseten dei kalla, hatt bruket, men det var bror til Knut, Trond, som vart bonde der. Trond 1776-1860-84 vart g 1) 1815 m Sigrd Grøndale (d 1830): Kirsti 1816 g 1839 m Ingvar Ingvarson Grøndale, dei reiste til Valdres, Mekkel 1819 d, Mekkel 1821, Birgit 1823 g 1844 m Ola Olson Grøndale, «Lausern» dei kalla, Mekkel 1828. - Trond vart g 2) 1835 m enkje Guro Knutsdtr Jordheim 1795-1866-71. Dei hadde: Sigrd 1836 g 1858 m Hallstein Øndredal, dei reiste til Valdres. Far til Guro, Knut Jorde på Jordheim, budde på Groset på sine gamle dagar. Han var ein stor, sprek kar, men svært dauv. «Han va øfto nere i Døkken hjå far mine,» fortalde han GamleEivind. «Sporde ette gamalt o nytt. Ein måtte sita heilt innve'n o rope høgt.» Trond og Guro tok inn det han skulde ha i livare på Jorde, deriblant tre tunner korn. Groseten (Knut) hadde hjelpt mor si med gardsdrifta ei tid, og for det fekk han litegrand livare til sin død, men det var for lite til

livsupphald. Eingong han var på reinsjakt burte ved Hyddalen såg han ei buferd, fortalde han. Han trudde det var haugafolket som fløtte. «Det var den eneste haugafolkhistorie Gamle-Eivind fortalte mig» (HF). - Trond Groset var smed, og han brasa (sveisa) bjøller. Som smed måtte han om laurdagane tynne ljå for heile Grøndale. Dei brukte å tynne ljå om laurdagane so dei hadde heile veka, ein ljå te dagji. Kirsti fekk garden og vart g m Ingvar Nordigarde f 1813 . Dei hadde: Margit 1840, Ingvar 1842, Trond 1845, Mekkel 1848, Sigrid 1850, Sigrid 1852, Knut 1854, Ola 1859. - Det var tung førsyn (livaure) på Groset: 1 kyrfødsle til Grosete og 2 til Trond og Guro. So var det att berre tre kyr til dei sjølve. Dessutan hadde han Ingvar jamt hest. Det vart soleis ikkje mykje å «vende», og det gikk nedover med dei økonomisk. Ein Jørgen Tveit ifrå Valdres (Skrautvøl eller Vang) kom åt Grøndale eit ærend. Han gav seg ut for å vera lesar, og det var Ingvar med. So vart det til det at Ingvar kjøpte Tveit og drog til Valdres med huslyden sin. Groset vart då selt til Knut Trondson Vårstøle 1810-81-71. Han var son til Trond Mekkelson og Barbo Tomasdr Viljugreinsøyn. Trond tok seg av og fostra Knut ei tid. «Det var et godt trekk og skar ut fra det almindelige, som jo er at faren ikke vedkjenner sig de uekte barn. Han skammer sig av dem og for dem» (HF). Då Knut vart vaksen, bygde han åt seg på ein vårstøl, og bruket vart kalla *Vårstølen* 86-81. Det vart nedlagt som bruk då Knut kjøpte Groset. Eingong skaut Knut ein bjørn nord for Bulin, endå han ikkje var nokon vidare skyttar. Knut vart g 1836 m Kari Halvorsdr Nihaugji 1808-1900-92. Dei arbeidde trutt og spara på skillingen. Og dei hadde lykka med seg og vart velståande. Born: Trond 1839-1926 bonde i Groset, Liv 1842-1915-73 g 1863 m Jakob Olson Dekko, Kirsti 1846 g 1872 m Ivar Nilsson Skøltedøkken, dei rtA, Barbo 1850-1916-66 g 1877 m Ola Torsteinson Vøllø. Trond fekk garden g 1) 1863 m Dis Olsdr Dekko 1832-70-38. Trond Groset og Jakob Dekko gjorde systerbyte, som det heiter, og heldt dubbelbryllup 30. mai 1863. Borna til Trond og Dis: Knut 1864-1938, bonde på Groset, Ola 1868 d, Kari 1870 g 1893 m Ola Hallsteinson Uppheim i Valdres, som var f på Øndredal (Trond Groset og Ola Uppheim var syskinborn). Trond vart g 2) 1873 m Kari Mekkelstr sygarde Grøndal f 1841. Dei hadde: Barbo 1875 g 1913 m Embrik Torsteinson Haugo i Gol, Kristi 1877-94-17 døydde på Torshaug Institutt i Kristiania. Knut fekk garden g 1890 m Ingebjørg Vøllø 1862-1946. Dei hadde: Trond 1890 bonde i Groset, Ola 1893-1975 g m Anne Huso f 1897, Knut 1895-1971, Dis 1898-1916-18 (Dis var den fyrste som døydde av vårt konfirmant-kull. OR.) Trond fekk garden g 1928 m Ingerid Hjelmen f 1907. Born: Knut 1931 g m Gudrun Harhaug, Fiskum (ein gut), Ingebjørg 1934-72. Trond gjorde makaskifte med gardbrukar Julius Bjerke i Fiskum. Groset lig inntil Gjuva, og den gamle busetnaden låg noko uppe i bakkane, so det var tungvint koma til gards. Det meste av jordvegen låg nede i dalbotnen, og i gamal tid hadde dei ei forluu til å ha foret inn i sommarstider, og so køyrde dei det til gards om vinteren. Heimstølen låg uppå Ragnhildset, høgt uppe på ås kanten (1100 moh), so det var bratt og tungvint koma der, men det er eit vidt utsyn der uppe. Langstølen var i Bulin. Frå gamalt var det mange slåtter som høyrde til Groset: Nevredøkkji, Kvelve, Timrebakkjin, nedre og øvre Gjuva, Oseluo og Vatnluo. Julius Bjerke var snikkerkyndig og bygde upp nye hus nede på flaten. Han dreiv for det meste med sau. Han var enkjemann og einsleg. I 1957 selde han Groset til Trond Kirkebøen, og so vart det slutt med gardsdrifta. Kirkebøen fekk utarbeidd plan for eit hyttefelt oppover i Lio mot Ragnhildset, 25 tomter i alt. Dei er alle selde til feriefolk, og omlag halvparten er utbygde hittil. Fallrettane i Gjuva vart selde til Aker kommune i 1920-åra og sea utbygde av Oslo Lysverker. Groset fekk 10 HK elektrisk kraft og kr. 30000 for desse rettane.

Træe

Gnr 86, bnr 5, fnr 667 d. I Træe.

I Træe budde Torjus Olson frå Ålsgjeld g 1766 m Jartrud Ivarsdr f 1738 dotter til Ivar Anfinson og Guri Hallsteinsdr (Vøllø): Ragnhild 1766, Guri 1767-1853-86 ugift, Ola 1769, Per 1772, Ivar 1776 Kari 1784-1847-63 budde i Træe. - Guri hadde tent på Hæe i Flå. (På ein plass under Hæe - oftast skrivi Heje - vaks *Vis-Kari* upp.) Guri var råug og flink til å putre, dei kalla. Han Gamle-Eivind fortel: «Guri gjorde god att ei kyr hjå'n mor. Kyre hadde røl-helte. Guri «bles» (putra) i brennevin. Gjorde god att følk med. Hadde rå før noko ilt i føto som dei kalla re (vre). Gjorde åt før trølle- og tussebet. Han Eirik Haug kom nord te'n ein vår med ein svær verkjifing. Då fann ho ein makk o la den på verken. Market skulde vera: Døydde makken, so va det trølle. Makken spresla o vilde upp att, såg e. Va det tussebet, flaug det upp ei blære fyst. Tussen æ vond når følk gjera noko gale. Anne, syste mi, va so skral i føto. Guri sa det va re og gjorde åt før di. Men ho Anne døydde.» Dottera Kari vart buande i Træe g 1814 m Trond Ivarson Brandvøl 1780-1855-75: Margit 1815-47-32 g 1847 m Nils Flaten, Ivar 1819 d ung, Jartrud 1822-1912-90 g m Hans Purkestadhaga, Anne 1824, Ivar 1828-74-46 bonde i Træe. Ivar fekk garden g m syskinbarnet sitt, Birgit Hansdr Brandvøl 1823-79-56: Trond 1851 lærar i søre Aurdal rtA, Kari 1853 rtA (hadde ei dotter: *Birgit* Hansdr 1879), Hans 1857 gikk underoffisersskulen men hans lagnad elles er ukjend, Ola 1859 d, Ola 1862 ukjend lagnad. - alle i denne huslyden døydde eller drog ut frå heimen. Træe vart so kjøpt av Knut Olson Dekko i Grøndale 1846-1913-67 g 1880 m Margit Mekkelstr Sygarde i Grøndale 1835-191479. Dei var barnlause. So

vart Træe kjøpt i 1914 av fehandlar Per Olson Fekjo 1872-1950 g 1914 m Birgit Olsdtr Øndredal 1885-1967. Dei hadde: Earbo 1915 g m Halvor Grøndalen (Sø-pågarde) sjå Tuv, Kari 1916 g m Kristian Rønningen, utfløtt til Nittedal, Ola 1919 g m Margit Holde (sjå Tuv), Oskar 1923 g m Margit Grøthe (sjå Trøym), Knut 1924-63 f, m Kjellfrid Elise Melheim, Ingerid 1926 g m jernbanemann Ottar Monsen i Hokksund (har 3 gutar og 2 gjenter), Albert 1928 g m Lilly Gåserud frå Sande, Solveig 1930 g m mekanikar Albert Øyen i Drammen (ein gut og ei gjente). - I 1937 kjøpte Per Fekjo søre Øndredal og fløtte dit (sjå 73-1). Træe sto då øyde til Kristen Wenthe kjøpte garden i 1946. Kristen f 1900 hadde utvandra til Amerika, men kom heim att på vitjing i 1939. So kom krigen og det vart uråd å fara over att til Amerika. Kristen vart verande i Grøndale og i 1944 vart han g m Anna Hansen frå Land. Dei budde dei fyrste par åra på Sletto og kom åt Træe. Born: Reidun 1945 g m elektrikar Kjell Larsen på Fagernes (2 gutar), Astrid 1948. Egedomen er heller liten, men vel oppdyrka. Han ligg noko lågt og er utsett for vårflaumen år om anna. Jordstykkka Moen og VesleØyne er øyna i Grøndølun. Til Træe hørde heimstøl på Kariset, han er ikkje i bruk lenger. Langstølen låg i Bulin, men Kristen selde denne til Olav Kven på Trøym og heldt att Feten, ein støl som før hadde høyrte Sletto til. Her er no hytter til utleige. Kristen slutta med krøterhaldet i 1971 og har no berre sau og ein hest, den einaste som er att i Grøndale. Storparten av engslåtten er burtleigd til andre.

Hallsteinbuso Nedlåg bruk.

Her budde Hallstein Mekkelson Lauvset 1801-53-52 og bruket fekk venteleg namn etter han. Han vart g 1826 m Margit Olsdtr Venåse, som folk kalla «Løva», truleg fordi ho var ifrå Løvehaugji. Hallstein og ho hadde butt i Venåse ei tid fyrst. Hallstein var noko grov og uvøren i si framferd og vart kalla Gampe-Hallstein. Når han som framvekstring blaka (heldt leven), kunna han snu seg mot far sin og seie: «Tykjy du æ ugudele, Mekkel?» Og når han møtte ein smågut, la han gjerne handa på hovudet hans og sa: «Han va kji vel so stor den du tok luva tå ijaar!» Gampe-Hallstein og Løva var kraftige namn. Dei hadde: Ola 1827 rtA 1864, Mekkel 1828 reiste til Vang i Valdres 1856, Margit 1839. - Sønene vart kalla Hallsteinkaratn. Dei gikk mykje etter reinen om hausten, det var nokso vanleg den tid. - Margit vart g att 1858 m enkjemann Torleiv Gudtormson, som var skulelærar. Ekteskapet var barnlaust. Dei budde i Hallsteinhuso til dei rtA 1866. Løva og andre i bygden hadde vaktefe frå Haland (Hadeland). Dei møtte åt Brenn i Gol etter feet om våren og reiste dit att om hausten. Somme gjenter reiste utover og tok seg tenest vinteren over på Hadeland. Dei som hadde vaktefe, svara gjerne «førsagt», som det heitte, dvs. dei svara etter avtale ei viss vekt av smør og ost for kvar kyr. Full førsagt var två bismarpund av kvart slag av kvar kyr (OTF). Før Sygarden vart delt, er det fyrst nemnt ein Per Grøndale d 1728 oppgjeven alder 70 år. Han hadde ei dotter: Kari 1693. So har me ein Knut Person, venteleg son til ovannemnde, han døydde i 1766, 76 år gamal. Var g 1) m Jartrud Mekkelstr. I skiftet etter henne er registrert m.a. 2 blakke hestar, 14 kyr, 7 fjorkalvar, 18 vaksne sauer, 6 ungsauer, 10 geiter. Det var soleis ganske stor buskap. Knut og Jartrud hadde: Ola ukjent fødselsar, Eivind ca 1721-77-56, Sigrid ukjent fødselsar. Knut vart g 2) 1724 m Dis Hallsteinsdtr Hallen f 1697: Jartrud 1724 g 1748 m Jakob Purkestad «min tipoldemor» HF), Ingvar 1730, Ambjørg 1732 g m Arne Høvdæ og so med Knut Tuv. Eivind fekk garden g 1) 1751 m Barbo Knutsdtr Purkestad 1734-54-20: Mekkel ukjent fødselsar. - Eivind vart so g 2) 1755 m Kirsti Olsdtr (Kyrkjebøn f 1734). Dei hadde: Ola 1756, Ola 1757 båtbyggjar i Hardanger, (Knut 1759-81-22), Per 1762 (d 1814 på ein Fauskeplass), Barbo 1764-1814-50 g m Halvor Nihaugji, Knut 1767-1855-88 skulemeister, budde på Groset, ugift, Jartrud 1769-95-26 g m Andres Mørk. - Kirsti vart g att 1780 m Herbrand Arneson Høvdæ. Dei var barnlause. - Det var ved denne tida ei enkje Kirsti Olsdtr Brandvøl (enkje etter Torkjell Monsson), men då Herbrand på det siste budde i Groset der Kirsti Grøndale hadde nokre av skyldfolka sine, kan det tenkjast at det var med henne han var gift. - Knut var ei tid skulemeister og blir kalla det ved folketeljinga i 1801. Han var mykje nytta som kjømeister, og når han song, hadde han for vane å setja haka langt fram. Han og Pål Hulbak var godt kjende og gode vener frå samvær i lago: Knut som kjømeister og Pål som spelemann, og dei vitja kvarandre ofte. Knut vart kalla Groseten og hadde litegrand livauve i Groset, men det var ikkje nok til å leva av. På sine gamle dagar, då han ikkje orka å arbeide, svalt han, fortalde Gamle-Eivind. Om sommaren for han og fiska i elva, men det vart ikkje stort ut av det.

Mekkel Eivindson fekk garden g 1771 m Kirsti Trondsdr Meggarde 1752-1833-81: Eivind 1772-1848-76, fekk den eine halvparten då Sygarden vart delt, Trond 1774, Trond 1776-1860-84 bonde i Groset, Vilhjelm 1778-1857-79 bonde i Støyte, Knut 1780, Ola 1782 fall i krigen 1814, Knut 1784 bonde i Stunde og i Nihaugji, Knut 1786 fall i krigen 1814, Embrik 1790-1835-45 ugift. altså 9 gutar i syskinlaget. Dei vart kalla Sygardskaratn. - Kirsti vart g att 1792 m ein Ola Knutson. Gamle-Eivind sa, etter får sine, at han var bror til Hans Rundtupp. Og det er truleg, for får til Hans heitte Knut.. Men i so tilfelle var Ola osso bror til Halvor Knutson Nihaugji. Ola og Kirsti fekk ein son: Mekkel 1794-1848-54, han fekk den andre halvparten av garden.

Grøndal Sygarde

Gnr 86, bnr 1, lnr 667 a. I Sygarde. Skrivejorm: Grøndal eller Grøndalen.

Eivind Mekkelson fekk hovudbølet etter delinga, g 1795 m Sigrid Olsdtr, dotter til Hølgjison på Bakke, 1768-1848-80. Eivind og Sigrid følgdest åt til grava 19. februar 1848. Jørgen Venåsbakko vart ogso gravlagd sama dagen. Gamle-Eivind sa at leggstaden deira var i det nørde nedre hyrna av kyrkjegarden (den gamle ved stavkyrkja), der Mari Todøkk Imre vart lagt i 1875. Borna til Eivind og Sigrid: Kirsti 1796 g m Jørgen Jørgenson Venåsbakko, Kristi 1797-1867-70 g 1815 m Ola Ingvarson Nordigarde, Mekkel 1800 døydde ugift, Barbo 1802-93-91 g m Pål Hulbak, Margit 1804-86-82 g 1826 m Embrik Torleivson Hjelme, Ola 1806-1900-94 fekk foreldregarden, Eivind 1808-89-81 bygde og budde i Grøndalsdøkken, Sigrid 1811 vart ca 90 år gamal, g 1837 m Ola Knutson Bakke, dei rtA. - Mekkel var ein stiving både mot foreldra sine og mot andre. Vart kalla Stive-Mekkel. Forbraut seg mot straffelova og kom på tukthuset. Til slutt vart han sinnssjuk og kom på dåre kista, som sinnssjukeasylla vart kalla i gamal tid. Der døydde han. Ola fekk garden g 1820 m Sunnev Olsdtr Kyrkjebøn 1809-73-64. Ola var ein stor og sterk kar og vart støtt kalla Langen. Han var stor og sterk i orda sine og. Born: Sigrid 1829-1911-92 g 1858 m Ola Arneson Finnset, Eivind 1832-1920-88 fekk garden, Barbo 1834 g 1861 m Knut Finnset Myhre i Valdres, Ola 1835-65-30 fraus ihel, Kirsti 1838 g 1860 m Knut T. Grøto bonde i Espedøkken, Knut 1841 bonde på Ristebrøta i Valdres etter Eirik Lykkjehaga, Jiggjer 1841 tviling d, Ola 1844 rtA, Ingerid 1846 g m Svein V. Megarde, bonde på Treverket i Gol, Jiggjer 1848 g 1873 m Margit Torleivsdtr Hjelme bonde på Vøvle i Valdres (i Hemsedal hadde dei: *Sunne v 1874*), Lars 1849 rtA. - Sonen Ola var i kyrkja søndag 19. mars 1865. På vegen nordover att fekk han om kvelden med seg Jakob Venåse, syskinbarnet til far hans, som då var enkjemann. Ola vilde ha han med som fyretalsmann, for han vilde fri til odelsgjente Gunhild Øygarde ved Øndredal. Som skikken var, kom dei om kvelden etter at folk hadde lagt seg. Og Ola bad so vent om at Gunhild måtte leta upp. Men Gunhild sa nei (ho vart ikkje gift før åtte år etterpå). Ola og Jakob fekk fara vintervegen som andre forsmådde friarar. Det var vega på isen den tid, og dei gikk elva nordover. Nedafor Fausko der vegen åt Lio og Grøndale skildest åt, tok karane til kor sin kant. Men fyrst tømde dei brennevinsflaska som var tiltenkt Gunhild om ho hadde vore noko meir benkasam. Ola drog så vidare nordover. Men då han kom til Helgeset, var han reint utarma, for han hadde ikkje smakt matgrynet sea tidleg om morgonen. Han gikk til sides for å kvile litegrand, sovna og vakna ikkje meir. Det var smellkaldt den natta. Mondags morgonen vart han funnen død og stivtæla av Ola og Knut Finnset då dei skulde åt Hyddale etter forlass. Eivind fekk garden g 1858 m Sigrid Hansdtr Trøym 1829-1903-74: Sunnev 1859 d, Ola 1860 fekk garden, Sunnev 1863 d, Hans 1866 d, Sunnev 1869 g 1899 m Ingvar I. Nordigarde, busette seg uttafør, Haus 1873 handelskar. Ola overtok garden g 1884 m Anne K. Tuv f 1854: Eivind 1885-1959 fekk hovudbølet då garden vart delt, Sigrid 1887, Rangdi 1889 g 1912 m Ola T. Glomsrud i Gol, Knut 1891, Sunnev 1894, Ola 1896 fekk den andre halvparten av garden, Anne 1899 g 1920 m Olav Olson Nilsongarde. Ola delte garden i 1922 slik at Eivind fekk hovudbølet og sonen Ola den andre halvparten. Eivind - eller Even som han skreiv seg vart g 1914 m Margit Trondsdr Grøndalshaugji 1875-1970. Dei hadde: Anne 1915 g m fabrikkarbeidar Einar Brenn i Gol (har två gutar og ei gjente), Kari 1920 g m fabrikkarbeidar Guttorm Brenn i Gol, bror til Einar Brenn (har ein gut). - Husa på garden var gamle og delvis dårlege, men Even bygde nytt forhus 1938. Han hadde ikkje slåmaskin før i 1957, og til den tid vart alt slege med ljà. Garden fødde 8-10 kyr og 8-10 sauer. Hadde vår- og hausthamn heime og langstøl i Bulin. Då Even ikkje hadde nokon son, vart det Ola, son til Anne, som overtok garden i 1963. Han tok slektsnamnet Grøndalen. Ola vart g 1964 m Barbro Dalene. Dei har: Margot 1965, Eivind 1967. Ola vølte om stugubygningen 1964 og bygde ny driftsbygning 1966 (kaldt sauefjøs) men slutta seinare med kyr og driv no sau- og griseal. i 1965 byrja han og med mink og blårev. Stølsbruket er nedlagt. Sygarden, Sjøpøgarde og Grønheim den nye garden etter siste delinga - har ei sameige i utmarka ved Vavatn fram til Ragnhildset. Her har dei arbeidd ut eit sams hyttefelt på 30 hytter, kring halvpartene av tomtene er utbygde til no.

Grønheim

Gnr 86, bnr 45. Skriv seg: Grøndalen.

Ola f 1896 overtok denne gardparten ved delinga i 1922. Han vart g m Margit Ålrust Grøterud. Born: Ola 1922 d, Anne 1924. - Grønheim fekk det meste av jordvegen sin burta åne, og her var det fin og lettdrivin jord når skogen vart rudd. Det var lenge berre ei gangbru over elva og difor tungvind framkomst til jordene. Dei køyrde over elva i eit vad nedafor brua, og om vinteren køyrde dei isen. Etter kraftutbygginga av Gjuva 1957-58 vart Oslo Lysverker tilplikta å byggje bruer over til eigedomane på andre sida, det gjorde transporten lettare. - Ola selde garden i 1935 til Erik Huso, men han budde der berre i två år og selde han so att til Hans Grøndalen, farbror til Even og Ola. Han var g m Randi Ullsåk. Born: Edvin 1928, Lovise 1929. Heller ikkje han vart verande der lenge. Han kunna ikkje onast med onnearbeidet. Tok heller fiskestonga og rusla langs elva når dei hine bøndene dreiv

som hardast med slåtten. Han selde garden att i 1938 til Andres Vølle f 1912, som har han no. Birgit syster hans f 1908 steller for han. Det var dårlege hus på garden, men Andres bygde nye innehus i 1953 og ny driftsbygning i 1967. Det er no ein lett drivin, fin gard. Andres hadde sommarfjøs burta åne ei tid, men etter at han fekk seg mjølkjetank i 1972, vart det overflødig. Stølen i Bulin har ikkje vore i bruk på lenge. Andres har vore interessert i hest og drivi ein del med handel, men selde den siste i 1972. Andres er interessert i jakt og er den einaste i Grøndale som har harahund.

Grøndal sø på garde

Gnr 86, bnr 7, lnr 668 a. Sø på garde. Skriveform: Grøndal eller Grøndalen.

Her er *fyrst* nemnt Mekkel Olson 1794-1848-54 g 1) 1823 m Guro Knutsdtr søre Lien 1794-1825-31. Ho døydde i *fyrste* barnseng utan å bli forløynt. Mannen vilde reise etter doktor, men Guro vilde heller døy. Doktoren budde på Ringerike den tid. Det er fortalt at då Guro Lien og *foreldra* hennar kom *for* å «skøa se *fyr*», som det heitte, reiste Knut Lien og Ola Grøndale burtom åne *for* å sjå på slåttutn. Knut var halt, og Ola var halt. Når dei gikk jamsides, halta dei *frå* kvarandre, sa folk som sag det. - Mekkel vart g 2) 1827 m Margit Olsdtr Brandvøl 1802-28-26. Ho med døydde i barnseng. - So vart Mekkel g 3) 1831 m Barbo Halvorsdtr øvre Løkji 1807-92-85: Ola 1832-1911-79 ugift, hadde livaure på garden, Guro 1833-1907-74 g 1864 m Halvor T. Rusto, Margit 1835-1914-79 g 1880 m Knut Dekko, dei budde i Træe, Halvor 1837-40-3, Kari 1841 g 1873 m Knut Groset, Kristi 1843-45-2, Halvor 1846 fekk garden. - Barbo vart g att 1850 m Svein Olson Nordigarde 1822-84-62. Svein dreiv som handelskar og reiste til Drammen fleire gonger om året med smør og gamal ost. Dei hadde: Mekkel 1851 reiste til Sverige, Kristi 1853 g 1887 m Nils Ullsåk på Belgji i Valdres. Sø-på-garden høyrde i eldre tid prestebolet til. Ola let den yngre bror sin, Halvor, få garden. Han vart g 1874 m Sigrid Olsdtr Brandvøl 1850-1917-67. Halvor var ein sers venesæl mann. Born: Mekkel 1871 rtA, var heim att ein tur 1914, Barbo 1877-81-4, Ola 1878-81-3, Ola 1882-1925-43 fekk garden, Ola 1883 og Knut 1885 var treskjerarar og snikkerar og busette seg uttafør, Olav 1888-1911-23 døydde av tæring. Ola fekk garden g 1909 m Barbo Sveinsdtr Hallbjørshus 1883-1925-42. I 1920 *fekk* Ola ilt i ein *fat*, som laut amputerast, og i 1925 gikk det likeeins med ein arm, og etterpå døydde han. Barbo vart samstundes sjuk av lungebetennels og døydde eit par dagar *for*. Den 3. mars var det gravferd etter dei båe. Born: Halvor 1911 g 1936 m Barbro Fekene (sjå Elvely 80-21), Svein 1913 g 1939 m Anna Dybendal, Skotselv, busett i Drammen (ein gut og ei gjente), Olav 1915 (sjå Grohaugen 59-23), Jon 1920 g 1946 m Gloria Mildred Larsen, *Usa*, dei bur i staten Island utanfor New York (ei gjente, ein gut), Sigurd 1923-24. Etter at Ola og Barbo fall burt, hadde Halvor garden til han i 1927 selde han til Ola Groseth 1893-1975 g 1932 m Anne Huso f 1897. Barnlause. Sø-på-garden hadde mykje fin dyrkingsjord, og Ola la år om anna mange mål under pløgen, so det vart ein av dei beste gardane i bygden (fødde 14 mjølkekyr, 10 ungdyr, 2 hestar og 10-12 sauer). Storparten av jorda ligg i dalbotnen og er noko utsett *for* flaum. Det høyrde mange utslåtter til garden: Løgnvar-slette, Kringleøyne, Kroken, Stubbefeten, Giddefeten, Myre, Krikken, Strønde og Sne-klan ten, dei fleste no oppdyrka. Det var mange kornåkrar på garden *for*, men dei er no lagde ut til beite. Garden har langstøl i Bulin. Dit var det berre kløvjaveg til køyrevegen vart bygt 1907-13, seinare utbetra til bilveg. Stølsdrifta er no nedlagd, det er berre ein støl att i Bulin som blir brukt. Då Gjuva vart utbygd, måtte denne garden i 1957 avstå grunn til røyrgate og kraftstasjon, og Ola fekk 10 hestekrefter kraft *for* rettane sine i Gjuva. I 1963 kjøpte Egil Trøym garden. Han bygde nye uthus på Kuntehaugji, sokalla kaldt fjøs, der ungfeet går på sjølstyr berre med tilsyn ein gong *for* veka. Det tykkjest vera noko frostalt i kaldversbolkar, med di det ligg so nær elva.

Medgarden Grøndal

Gnr 86, bnr 8, lnr 669. I Meggarde. Skriveform: Grøndal eller Grøndalen.

Medgarden var og er ein av dei største gardane i Grøndale, og der står den eldste stugo i bygden, freda ved lov av 1920. Dei som *fyrst* er nemnde i kyrkjebøkene, er Vilhjelms Grøndale d 1755, oppgjeven alder 80 år, og ei Ingebjørg Grøndale d 1745, 60 år gamal, venteleg kona til Vilhjelms, *for* sonen Trond kalla den *fyrste* dottera si Ingebjørg. Vilhjelms vart truleg gift i Boyesentida og har hatt dei fleste borna i desse åra: Trond ca 1718-94-76 bonde i Medgarde, Liv ca 1722-45-23 g 1743 m Knut E. Torset, Sjugurd 1727. Trond fekk garden g 30. mai 1745 m Sigrid Olsdtr Kyrkjebøn ca 1717-87-68. Trond vart kalla *Grøndalsskjeggen*. Ein framme mann. Drog pengar som sand. Kvar av sønene *fekk* 1000 rdl, er det sagt. Og døtrene 500 etter den tids arvelov. Han var vyrk etter pengar. Tidleg om sundagsmorgonen i vintertida drog han heim i bygda *for* å ordne opp pengesaker. «Om hans måte å samle pengar på, har jeg intet hørt. Men det er å tro at de som hadde pengar å låne bort i de dager, tok sig godt betalt *for* det. Det var vel småkårsfolk som fikk omgjelde *for* mynten. Da A. O. Vinje var oppe til eksamen, spurte professor Schweigaard: Hva er kapital? Vinje svarte: Kapital er turka sveitte. Folk

trodde om Trond at han hadde svarteboka og kunde tvinge den Ljøte til å skaffe ham penger. Hallvard Bergh i Valdres har fortalt i en bok (Segner fraa Bygdom IV, Kra. 1879) et par småsagn om Trond Grøndal. Han kom fra Drammen med et kornlass og lå på Nes. Det var en lørdagsnatt. Om natten kom en mann og stjal korn fra lasset. Fikk en kornhit på ryggen og vilde til å gå med den. Men han blev stående bekende fast med kornhiten på ryggen: Trond kunde fjetre. Tyven var fjettet og måtte stå stein stille til Trond løste ham. Utpå dagen søndag, da kirkefolket tok til å fare, gikk Trond ut til ham og sa: No får du sleppe no då, stubben min. Da slapp han hiten og labbet i vei. Trond måtte også sko hesten sin på Nes. Gikk inn i en smidje og bad om å få låne smidjestølene. Efter nogen akkordering fikk han låne dem. Da han hadde hamret ut første saumet og slo det av teinen, spratt det bort i veggen og blev stående der. De andre saum blev stående i rekke og rad bortefer veggen. Du må nøkk ha smidd før, du, sa smeden, som sto og så på. A nei, det æ kji stort e ha balla med di, men... sa Trond. - Det er fortalt om Trond at han alt fra smågutt var forsiktig og redd for skillingene han fikk. Det er et merke på god økonomi. Er barna anlagt til å slarve med penger, og foreldrene ser gjennom fingre med slarveriet, kan det bli ungdommens og manndommens vane: Den som vil ha alt han ser, fær gråte når are lær. Det hjelpe ikkje om kyre mjølka mykjy når ho spenne det ned att. Det kosta vera kar. Det æ køstbart ha mange veni. Ver so redd før å gjera gjøld som før å brenne de. Den som ikkje bryr se om småting, når il .kji dei store helde. Ta dei kji te å spare ved bradde, so æ det før seint når dei koma åt bømte. Den som ikkje kan styre peingatn sine, æ kji te styre ein gard helde. Ein drøpe i send tømte heile tunna te slutte. Det æ før seint å snyte se nå nasen æ tå. - Vi vet at Mesteren sa til Marta om det religiøst-evige: Ett er fornødent. Om det økonomisk-timelige kan man med rette si til ungdommen: Ett er fornødent. Pass dine penger» (HF). - Borna til Trond og Sigrid: Vilhjelm 1745-93-48 bonde i Medgarde, Ingebjørg 1747-86-39 g 1766 m Ola Hustad, Kirsti 1748 må vera d ung, Sjugurd 1750-1833-83 bonde på Tuv, Kirsti 1752-1833-81 g 1771 m Mekkel Eivindson Grøndale, Liv ca 1754-81-27 g m Eirik Haug, Ola 1756-1830-74 bonde på Øndredal, Margit 1757-82-25 g 1777 m Ivar Hansson Hølle, Ola 1759-1833-74 bonde på Brandvøl, Kari 1761 må vera d ung. Trond og Sigrid skifta i levande live. Delingssummen då var 406 rdl. Men mykje var delt før. Två år etterpå døydde Sigrid. Ved skiftet då hadde buet 208 rdl i delingssum. (Då var døtrene Ingebjørg, Liv og Margit døde, men dei let etter seg born.) Vilhjelm fekk garden g 1) ca 1774 m Sigrid Eiriksdtr Haug 1754-77-23. Ho døydde i barnseng. Vilhjelm vart g 2) 1785 m Birgit Toresdtr Grøto f 1755. Dette ekteparet kom sørgjeleg av dage. Vilhjelm gikk over gidda ned for Grøndale, glei i åne og drukna. - Birgit vart g att 1796 m Oddmund Olson Markegølo 1768-1847-79. Eingong var det mange drukne karar i Medgarde, mellom dei den sterke kjempekaren Sjugurd Venåsbakko og Ola Knutson Vøllo (som døydde på Intelhusbakko 1884). Sjugurd var aldeles ustyrleg, so dei stengde han ute og læste døra. Ola Vøllo opna døra på gløtt og kasta ei gryte etter han. Men Sjugurd hadde stade på lur uttafor med kniven sin ferdig og rek han inn gjennom dørgløtten. Knivhogget råka Birgit i armen so livåre vart skoren over, og ho blødde seg i hel. (Oddmund vart seinare gift att og budde i Grønåse, sjå der.) Borna til Vilhjelm og Birgit: Olaug 1785 g 1810 m Torleiv Bjørnson Sjøheim, Sigrid 1788-ca 1830-42 g 1815 m Trond Eivindson Groset (ho hadde før ekteskapet ei dotter: *Ingerid* Eivindsdtr 1814), Trond 1791-1872-81 bonde i Medgarde. Trond fekk garden g 1813 m Birgit Halvorsdtr øvre Løkji 1787-1837-50: Vilhjelm 1814 d, Vilhjelm 1815-1902-87 bonde i Medgarde, Kari 1818-85-67 g 1842 m Ingvar Nordigarde, Halvor 1820-81-61 bonde på Heggjstad, Trond 1823-1904-81 ugift, hadde ei stugu i Medgarde, Bjørn 1825-69-44 bonde på Ålstveit. Vilhjelm fekk garden g 1845 m Sebjørg Sveinsdtr Hallbjørshus 1823-1915-92: Trond 1846 bonde i Medgarde, Svein 1848 bonde i Treverket i Gol, Halvor 1850-99-49 bonde på Løkji, Jon 1852 bonde på Vøllo, Birgit 1854 g 1880 m lærar Ola Isungset frå Hol, Margit 1858-95-37 ugift d av ryggmergstæring, Kari 1861-95-34 g 1881 m Ola A. Øndredal, Turid 1864-1919-55 ugift, døydde brått, Birgit 1868 g m Knut i. Døkk ved Finnset. - *Svein* som kom åt Gol og var g m *Ingerid* Olsdtr Grøndale f 1846, var i mange år med i brøtningen (timrefløytinga) i Gol. - *Birgit* d.e. og Ola Isungset, som var lærar på Torset og i Grøndale, seinare på Tuv og ei tid i Lio, fløtte frå Hemsedal i 1888. Ho budde forresten ei tid på Isungset med han var lærar i Hemsedal. Han var godt likt og vart seinare lærar i Hol. Han døydde 2. juledagen 1922, 66 år gamal. Ein av sønene deira, *Svein* Isungset, døydde 16. mars 1920, og Margit Torgeirdtr Årset, som han var trulova med, døydde like etterpå. Dei vart gravlagde jamsides. - *Turid* døydde etter berre nokre timars sjukdom då ho var på vitjing hjå brordottera si, Kari Halvorsdtr Løkji på Grøteteigji. Trond fekk garden g 1881 m Birgit Olsdtr Rust frå Gol. Ekteskapet vart oppløyst alt året etter, og Birgit reiste attende til Rust. Tente nokre år uttafor. Då Bergensbanen vart opna, kom ho heim att, bygde hus norda vegen like ved Narumsbrua og dreiv kafe der i mange år. Lassekøyrarane og andre frå Hemsedal tok gjerne inn der. - Trond styrde på Medgarde til han overlet egedomen til Birgit, syster si, i 1907. Birgit d.y. vart g 1907 m Knut J. Døkk f 1882. Dei hadde garden til dei bytte han burt i 1921 til Ola J. Trøym og fekk att huset hans på Bygdheim, nær den gamle Tingstugun. Trond vart med dei til Bygdheim. Borna til Birgit og Knut: Birgit 1908, Sebjørg 1909. Ola Trøym g 1908 m Ingebjørg Olsdtr Kyrkjebøn kom no åt Medgarde. Langt ute var dei i slekt med dei som hadde butt der før. Men dei vart ikkje verande der

lenge. alt i 1926 selde dei garden til Knut K. Groset 1895-1971 g 1933 m Anne T. Hjelmen f 1910. Dei hadde: Ingebjørg 1934 g 1959 m fabrikkarbeidar Åge Larsen, Skotselv (har två gutar), Birgit 1937 g 1960 m snikker Rolf Bekkevold i Lier (2 gjenter og 1 gut), Kåre 1939 bonde i Medgarde. Frå gammalt var det mange mål kornåker i Medgarde, og kornet mol dei på eige kvernhus i Gjuva. Smiu hadde dei på Smiurande ein liten haug nedpå jordet. Mange slåtter høyrde til garden: Kvelve, Storeslettatn, Sørstølen og Medgardsøyne. Garden hadde vår- og hauststøl i Kvelven (ved Heggjistad) og två langstølar på Klante. Stølsdrifta vart nedlagd i 1971. Ny driftsbygning 1959 og nytt stuguhus 1970. Kåre kjøpte og overtok garden i 1965 og har modernisert mykje, rydda kulturbeite heime på garden osv. Han byrja ogso med revefarm som attåtning.

Heggjistad

Gnr 86, bnr 9, lnr 669 b.

På Heggjistad. Skriveform: Heggstad. Har i dagleg tale ogso vore kalla Vestafør eller Surre.

Vente og Vestafør skal vera dei eldste bruka vesta åne, sa Gamle-Eivind. Det budde ein Andres der. Han laga bjølleklavar, som vart kalla Andres-klava. Dei hadde tre-foring innvendes og metallskodning uttapå. Etter heile klaven var det på utsida småe ringar ihekta dallar av metall. Dei hadde Andres støypt. Det må vera han som blir kalla bygselmann Andres Olson Grøndale, død 1842, 77 år gamal. alderen kunna ogso passe på Andres Intelhus f 1766 og Andres Skar f 1769. So budde der Nils Arneson Høvdæ 1767-1832-65, «Hullern» dei kalla, g 1803 m enkje Ragnhild Olsdtr Trøym. Kyrkjeboka seier at han var enkjemann då han gifta seg, men om so var, seier ikkje kyrkjeboka noko om kven som var fyrste kona hans. Det kan vera ei feilskrivning. Men han vart g att 1821 m Margit Monsdtr frå Lien 1783-1836-53. Dei hadde: Ragnhild 1822 g 1853 m Levor Bjøbergo, bonde på Finnset og so på Klante, Ambjørg ukjent fødselsår, busett uttafør (hadde ei gjente: *Margit* 1853 med kand. jur. Stang og sea ein son: *Hans* Andresen 1859). Ambjørg vilde tene uttafør. Før ho reiste, sa nokon til henne at ho fekk ta seg i vare for karfolka uttafør. «Å si me kji fyry, dei så me so vel fyry på Finnset,» svara Ambjørg kaut. Desse orda vart ei herme i bygden: «Si me kji fyry, dei så me so vel fyry på Finnset, sa ho SurreAmbjør.» Både Ambjørg og borna vart buande uttafør. Då «Hullern» (ein som kan hulle eller «låte med kjafte») var død, vart Heggjistad selt ved auksjon. Mannen i Medgarde kjøpte bruket og selde det seinare til Halvor, son sin. Halvor Trondson 1820-81-61 vart g 1844 m Anne Nilsdtr Stunde 1820-87-67. (Om Halvor då han kom til Nes Sparebank med 100 dalar sjå «Hemsedal» s. 62/72.) Med omsyn til arbeid og omtanke var Halvor og Anne av dei beste folk som bygda har fostra. Born: Birgit 1846-91-45 g 1867 m Ivar Rudningji, Barbo 1848 g 1874 m Knut Fløgo, Trond 1851-94-43 bonde på Heggjistad, Kari 1854 rta, Nils 1856 bonde på nørdrø Fekjo, Halvor 1859 d, Halvor 1861-1911-50 ugift, døydde på Fekjo. Trond fekk garden g 1884 m Kari Ingvarsdtr Grøndale: tvilingane Anne og Kari 1884 d, Halvor 1886-1975 bonde på Heggjistad, Anne 1887 g 1914 m bonde Hans Hansen, Hov, Søre Land, Kari 1889-1957 g m Ola Hontvedt, Lærdal (2 gutar og 2 gjenter, den eine død), Margit 1890-1955 g m Torstein Vøllo d 1969. Som enkje vart Kari g 2) m enkjemann Sjugurd Larsson Stunde (sjå der). Dei hadde: Mari 1897, Margit 1901. Halvor overtok garden 1910. Han kjøpte attåt *Storelua* i 1917, før var attåtkjøpt *Stakkestøe* 1878. Etter som Heggjistad ligg vesta åne, var det noko tungvint å koma der. Det var berre gangbru over elva, men elvebotnen var godlendt, so det gikk an å køyre over når Grøndøla ikkje var for stor. Om vinteren køyrde dei isen. Halvor la ned mykje arbeid på garden, dyrka upp det meste av jorda og bygde nye hus heime og på stølen. Garden hadde ikkje heimstøl, men langstøl både på Fosse og Klante. I 1961 selde Halvor garden til Trond Kirkebøen og bygde seg hus nede i sentrum ved Trøym (sjå Bjørkiund 67-86). Trond Kirkebøen bygde ny veg og køyrebru over til Heggjistad og har planlagt hyttefelt på eigedomen.

Stakkestøe

Gnr 86, bnr 10. I Stakkestøe. Nedlagt bruk.

Her bygde og budde Sjugurd Jonson, son til Jon Sjugurdson Hallbjørshus, Jomfru-Jon dei kalla, og Liv Toresdtr Torset. Jon og Liv kom åt Reiarstletten, so Sjugurd var født der. Sjugurd 1788-1833-45 vart g 1820 m Sigrud Larsdtr 1793-1875-82, dotter til Lars Helgeson og Sigrud Hansdtr Tubbun, seinare Vente. Gamle-Eivind sa ho var syster til Knut Vente. Sigrud fortalde at ein vår tok bjørnen två kyr for dei i Gudmundskaret burt for Stakkestøe. «Det "a fælt før oss då, me vara bløtte då. Men så fanga me god lykke tå dei krytyro me hadde att.» Då han Sjugurd eingong leitte etter krøtera i skogen aust for Sletthaug, kom han brått på ei bjødne (binne) med ungar. Ho rende på han og beit han i kneet, så han vart ikkje god att før om eit år. Sjugurd og Sigrud hadde: Jon 1821-1902-81 bonde i nørdrø Hødn, Lars 1822-1904-82, Liv 1828-86-58 g 1857 m Bjørn Reiarstletten, Sigrud 1834 g 1859 m Mekkel V. Støyte, dei rta. - Sigrud vart g att 1836 m Tore Helgeson Berg 1799-1867-68. Dei hadde ei gjente: Rønnøg 1837-74-37 ugift. - Ved det belet Bjørn Reiarstletten vart gift med Liv, tok Mekkel Støyte til å gå til

Sigrid, syster hennar. Som ein veit, blir reven kalla Mekkel, og grøndølingane hadde moro av å fortelja at bjørnen og reven følgdest åt på frieri åt Stakkestøe. Sigrid, mor til Liv, døydde på Reiarstletten. - Mekkel og Sigrid budde fyrst i Støyte, så i Dalo i Eikregrenden og så i Stakkestøe. Derifrå reiste dei til Amerika i 1880. Frå då låg Stakkestøe øyde og vart slege saman med Heggjistad.

Storeluo

Gnr 86, bnr 29. i Storeluun. Nedlagt bruk.

I Stakkestøe hadde Medgardsfolket brukt å setja upp ein forstakk om sommaren før det vart bygsla, derifrå namnet. Og på Storeluun hadde dei so hatt ei stor luu til å ha vinterforet i. Så fekk bruket namn etter det. Det var Jon Torleivson Vøllø 1788-1878-90 som bygde her. Han vart g 1828 m Jartrud Hansdtr 1812-81-69 dotter til Hans Kristenson Hulbak. Jon og Jartrud tente i lag i søre Lien og vart kjende der. Ho var noko vinglut i dette spørsmålet, men dei vart då gifte. Dei var bløtte folk då dei gifta seg, ho bar alt sitt heimaføl i ei teine, fortalde ho dotter si då ho vart gift. Dottera derimot hadde fleire lass då ho fløtte.

Men Jon og Jartrud var strevsame folk, ekte grøndølingar. Jon kjøpte det gamle sakristiet ved stavkyrkja då dei bygde nytt, og dette vart den fyrste stugo på Storeluun. Sea kjøpte Jon ei stugu i Grøndalsdøkken. Storelua låg slik til, sett ifrå Grøndalsdøkken, at far til Gamle-Eivind kunna seie: «Nå sjau (sjaustjernene) æra oppyvy ho Jon, må me stå upp.» Det var få som hadde klokke i gamal tid, så dei laut ha visse merke for dag og tid å sjå etter (Dugurdsskaret, Nonsnatten o.l.). Jon og Jartrud hadde: Torleiv 1829-1918-89 ugift, Eirik 1834-52-18, Olaug 1843 g 1868 m Mekkel O. Lauvset. - Eirik døydde ung. *Torleiv* var skomakar. Han fløtte til Lauvset då mora var død. Der hadde han ei lauskarstugu. I ungdomen vart han hugteken i Margit Knutsdtr Fekjo, som vart gift med Ola Sjøheim i Gol. Sorga over at han miste henne, vilde mest forgå han, og han fekk nok minning av det heile livet. Det vart ein tragedie for hans del. Han var so snill og god i seg at han burde ha fått ein ljøsare livslagnad.

Stunde

Gnr 86, bnr 24. I Stunde.

Stunde ligg ved Stundeføsse på vestsida. - Torleiv Janson Vøllø og Olaug Embriksdtr Eikre, som før budde på Vøllø, kom seinare til ein Grøndalsplass, kan hende det var Stunde (sjå elles Vøllø). Gamle-Eivind sa at den som rudde og bygde Stunde, var ein Nils Olson f på eit Kyrkjebønsbruk 1784 d i Stunde 1826, 43 år gamal. Han var g m Barbo Jonsdtr Strønden ved Tuv 1783-1877-94. Ho døydde på Vøllø hjå Ola, son sine. Nils og Barbo hadde: Ola 1814 d, Ola 1817-86-69 bonde i Stunde og på Vøllø, Anne 1820-87-67 g 1844 m Halvor Heggjistad, Jon 1823 d. Barbo vart g att 1829 m Knut Mekkelson sygarde Grøndal f 1784. Dei budde i Nihaugji ei tid. Barnlause. Ola fekk garden, men bytte gardar med Jon Knutson Vøllø (sjå 85-3). Jon selde att bruket til Lars Sjugurdson i Stakkestøe (sjå der). Lars 1822-1904-82 g 1853 m Margit Olsdtr Nilsehaugji på Torset ca 1829-91-62. Dei hadde butt ei tid i Stakkestøe før dei fløtte til Stunde: Sjugurd 1855 bonde i Stunde og på Heggjistad, Ola 1856-75-19, Sigrid 1858 (med dotter: *Oline* Olsdtr 1880) åtte Stunde ei tid, Tore 1860-91-31, Margit 1862-1910-48 ugift, Lars 1864-87-23 omkom i ei snøskriu då han «gikk ette rupo», Liv 1866, Kari 1869, Sigrid 1872-81-9. Sjugurd fekk garden g 1891 m enkje Mari Ingvarsdtr Todøkk på Imre 1859-95-36: Lars 1891, Margit 1893. - Sjugurd vart seinare g m enkje Kari Heggjistad og fløtte dit. i 1925 vart Vente kjøpt av Erling Bråthen frå Valdres. Erling f 1892 vart g 1925 m Marie Heggjistad f 1897. Erling har dyrka upp mykje jord, vølt om uthuset og sett upp ny stugu 1939. Stunde har langstøl i Bulin, Sjugurd hadde kjøpt denne av søpargarde Grøndal. Det høyrde mykje bjørkeskog til Stunde, og Erling har drive fram mange famnar ved kvart år. Borna til Erling og Marie: Kari 1926 g m løytnant Wilhelm Larsen i Ål (dei har ei gjente og ein gut), Sigurd 1927 fabrikkarbeidar i Oslo g m Anne Torp (ingen born), Astrid 1930 g m drosjeeigar Hartvig Øverli i Oslo (två gutar), Helga 1932 g m lagerarbeidar Ola Birger Ranum på Gjøvik (har ei gjente), Hans 1935 tilsett ved Hemsedal Meieri g m Berit Røyne frå Sylling f 1942 (born: Alf Egil 1962, Leif Inge 1963, Mona Kristin 1969), Ellen Marie 1937 g m bonde Erlend Opheim i Tørpo (ein gut og två jenter), Olav 1940 tilsett ei tid ved Hemsedal Meieri g m Bjørg Mørken (1 gjente, 1 gut), har bygt seg hus i Tuvsgrenden (sjå 82-32). Hans og Olav overtok det vesle bruket, men etter tilhøva no er det for lite til at ein huslyd kan leva berre av gardsdrifta aleine. Olav slutta på Meieriet i 1973 og byrja i maskinfirmaet Thomas Langehaug. Hans bygde seg ny stugu i Stunde 1974, dessutan bygde han ny bru over elva i 1973.

Vente

Gnr 86, bnr 23. i Vente. Skriveform: Vente eller Venthe.

Her budde Knut Larsson Tubbun f 1790 g 1818 m Anne Kristensdtr Hulbak 1794-1858-64: Kari 1820-67-47 g 1855 m Torleiv E. Hjelme, Lars 1823-95-72 bonde i Vente, Sigrid 1826 g på Modum, Anne

1829 d på Modum, Kristen 1832-58-26 ugift. - Anne vart g att 1837 m Halvor Fausko 1808-54-46. Dei var barnlause. Lars fekk garden g 1855 m Anne Hansdtr Hallbjørshus (dotter til «Hans Allestam»): Anne 1856 d, Anne 1857 g m Arne K. Finnset Myhre, Valdres, Knut 1860 bonde i Vente, Kristen 1863-1922-59 bonde på Veslestøle og på Hjelme. Knut fekk garden g 1886 m Ragnhild K. Grøto: Anne 1887-1952 g 1909 m Gustav Lehne, Hole på Ringerike, Lars 1890 bonde i Vente, Knut 1893-1969 g 1965 m Else Sørensen, Oslo, Birgit 1897 g m Jon Brekke, Øye i Valdres (fire gjenter), Kristen 1901 (sjå Træe 86-5). Lars fekk garden g 1921 m Helene Brandvoll 1890. Born: Ragnhild 1922 sy-dame, Knut 1924 renovatør g m Eva Gjerde (dei har två gutar og ei gjente), Kristi 1926 sydame - alle desse tre bur på Hønefoss, Helga 1930 g m fabrikkarbeidar Willy Johansen (dei har ei gjente). Vente ligg nord for Stunde på vestsida av Grøndøla. Eigedomen var ikkje stor, men Lars kjøpte attåt ein del og bygde ny driftsbygning. Han dreiv mest med sau og høns. I 1947 selde han eigedomen til ein utanbygds mann og fløtte sjøl til Ramsrud ved Hønefoss. Sevik, den nye eigaren, dreiv garden nokre år. Men so drog Sevik på anleggsarbeid og garden vart liggjande ubrukt. Vente hadde støl på Fosse, men han har ikkje vore i bruk etter 1947 og vart selt til feriestad. - I 1973 vart det bygt ny bru og ny veg til garden, so no kan det vera at gardsdrifta blir teke oppatt. I 1974 fekk sonen Bjørn Sevik skøyte på garden og har byrja setja garden i stand att med planar om framtidig drift.

Nordigarde Grøndal

G nr 86, bnr 11, lnr 670 a. I Nordigarde. Skriveform: Grøndal eller Grøndalen.

Kyrkjebøkene og skiftepratokollane nemner ein Oddmund Oddmundson d 1716 sum var gift med Anne Olsdtr. Truleg har dei butt i Nordigarde. Ved skifte etter Oddmund hadde buet m.a.: 1 hest, 27 nautskrytyr, 13 geiter og 27 sauer. Borna tii Oddmund og Anne: Liv 1695-1748-53 var odelsgjente og fekk garden, Ingerid 1698, Kari 1700 g m Endre Øndredal, Rangdi 1708. Liv vart g m Ingvar Halvorson som døydde i 1742, oppgjeven alder 58 år. Kvar han var ifrå, er ukjent. Den eine dottera vart kalla Sila, det kunne tyde på slektskap i Lærdal. I skiftet etter Ingvar vart det registrert 31 nautskrytyr, 4 geiter og 12 sauer. Borna til Ingvar og Liv: Ola 1723 bonde i Nordigarde, Halvor 1725, Ingerid 1728 g m Helge Larsson Tubbun, Nils 1731, Anne 1734 g m Torstein Olson Grøndale, dei budde (ei tid) på nordre Fausko, Oddmund 1736 g 1761 og 1768, budde på Tuv, Sila 1742-1803-61 g 1781 m Knut Knutson Tubbun. Ola fekk garden g 1747 m Guri Endresdtr Haug 1724-88-64: Ingvar 1748 d ung, Liv 1750-1815-65 g 1768 m Gudtorm Monsson frå Lærdal, Sigrid 1753-1810-57 g 1779 m Ingvar Endreson Øndredal, Anne 1755, Ingvar 1758-1814-56 bonde i Nordigarde, Ragnhild 1762, Eirik 1764, Rangdi 1767, Ola 1769, Birgit 1773. Ingvar fekk garden g 1) 1781 m Margit S. Hallbjørshus f 1753: Guri 1783-1882-99 g 1818 m Eirik Jordheim, ho døydde i Myte, Birgit 1784, Ola 1786-1847-61 bonde i Nordigarde, Svein 1789-1831-41 bonde i Nihaugji, Margit 1793 g 1812 m Ola P. Rese. - Ingvar vart g 2) 1794 m ei Kari Olsdtr (Lien f 1770), som døydde i 1805, oppgjeven alder 36 år: Guri 1795-1882-87 g m Eirik Jordheim, d i Myte, Ola 1797 (han eller Ola d.y. vart g m Margit Helgesdtr Jordheim), Jon 1799 d, Ola 1802 bonde i Skøltedøkken, Birgit 1804 g 1836 m Endre Endreson Skar. - Ved skiftet etter Kari vart lausøyret verdsett til 246 rdl, garden til 1820. Gjelda var på 525, derav pant til Andres Jenson Lo i Borgund 398. - Ingvar vart g 3) 1807 m Margit Knutsdtr Imre 1785-1835-50: Kari 1808-10-2, Knut 1810-76-66 bonde på Ullsåk, Ingvar 1813 bonde i Groset. - Margit vart g att 1815 m Trond Sjugurdson nedre Tuv 1782-1870-88. Der vaks Knut og Ingvar upp. Ola f 1786 fekk Nordigarden g 1815 m Kristi Eivindsdtr sygarde Grøndal 1797-1867-70. «Om Ola er det mig fortalt av en av hans slektninger at han stakk dypt i glasset og styret ikke gården godt. Enda kunde han si til sin bror Svein Nihaugen, da denne 1831 lå på sitt siste: «Det ser no ut te at du ikkje tar på føtan att. Treffe du no han far, so får du sea at e ha styrt garde gødt.» Den siste julehelgen var han drukken som sedvanlig. Da sa han: «No æ det siste julehelgji e ståka med Hølgjisonlye.» En morgen straks efter lå han død i sengen. - Hans kones mor Sigrid var jo datter av Ola Bakke, kallet Hølgjison» (HF). Ola og Kristi hadde: Ingvar 1817-84-67 bonde i Nordigarde, Ola 1819-84-65 g 1844 m Birgit T. Groset, busette seg i Valdres, Eivind 1821-84-63 bonde i Grøndalshaugji, Svein 1822-84-62 bonde i Sygarde, Sigrid 1828, Ola 1830 heldt til på Nordsving i Vang i Valdres, kalla «Steingrimen», Sigrid 1833 g 1862 m Knut K. Trøym på Nygjerdun i Gol, Knut 1837-1915-78 bonde på nordre Hjelme. - Den eine Ola, «Lausern» dei kalla, kjøpte garden Nordsving i Vang, som han gav 1600 dalar for. Dei kunna fø 18 nautskrytyr der. Han og Birgit hadde i Hemsedal: Ola 1844, Trond 1846. Ingvar fekk Nordigarden g 1842 m Kari Trondsdr Medgarden 1818-85-67. Dei styrde godt og vart rike folk: Ola 1842 bonde i Nordigarde, Kristi 1845 g 1873 m Ola Olson Kariset, Birgit 1849 g 1875 m Ivar Hustad og so i 1889 m Ivar Øndredal, Sigrid 1851 d, Trond 1854 bonde i Grøndalshaugji, Margit 1857 rtA, Kari 1859 g 1884 m Trond Heggjistaad og i 1897 ro Sjugurd Stunde, Ingvar 1863 g 1899 m Sunnev Ø. Sygarde, dei busette seg i sande (i Hemsedal hadde dei: Kari 1899). Ola fekk garden g 1872 m Ingebjørg Hølle 1852-1908-56: Kari 1873 g 1895 m Eirik Haug, Ingvar 1875 rtA, Ingerid 1879-1913-34

g 1906 m Sjugurd T. Kyrkjebøn, Margit 1882-1956-72 g 1909 m Anders O. Øndredal. Knut 1885-1918-33 handelskar, døydde i Oslo i spanskesjuka, Karoline 1888 d, Karoline 1889 g 1915 m Ola M. Øygarde (hadde før ekteskapet dottera: *Ingebjørg* 1913), Olav 1900-53 bonde på Nordigarde. Olav overtok garden 1919 og vart sama året g m Margit E. søre Hulbak f 1897: Ola 1919 bonde på Nordigarde, Ingebjørg 1920 g m direktør Mejlænder, Oslo, Gunhild 1922 d, Gunhild 1923 adjunkt i Moss, Erik 1925 disponent g m Berit Eide i Oslo, ingen born: Ingerid 1926 g m murar Reidar Sandelien, Oppegård (har två gjenter), Gudrun 1928 g m hotelleigar Ola Thorset (sjå Skogstad 68-9, 10), dei har två gutar, Solveig 1930 g m flymekanikar Poul Stein, California, Usa (ei gjente og ein gut), Olga Marie 1931 g m seljar Gunvald Kolbu, Oslo (ei gjente og ein gut), Astrid Elise g m siviløkonom disponent Arne Hagen, Oslo (har ein gut). Ola tok over garden i 1951, g 1950 m Jorunn Marie Øverland frå Sauda. Dei har: Ingvald 1952, Arild Olav 1954, Målfrid 1965. - Olav har bygt nytt uthus 1922 og nytt bustadhus 1942. Ola har modernisert vidare, var soleis den fyrste som kjøpte traktor i Grøndalen (1951). Byrja med mink- og blåreval i 1954, som har vore ei god attåtnering. Far hans hadde som ein av dei fyrste i bygden drivi ein del med sylvrev. Ny driftsbygning vart oppført i 1961. I eldre tid var det omkring 20 mål åker i Nordigarde, som no for det meste blir brukt som hamn. Kring 1900 fødde dei 20 mjølkekyr, 15-20 sauer og 2-3 hestar. No er dette redusert noko, men dei driv i staden ein god del med griseal. Garden hadde langstøl på Klante og Torsbu og sat ein månad på kvar stelle, men stølsbruket vart nedlagt for godt i 1971. Til garden høyrde kvednahus i Gjuva og part i ei sag som sto der. - Det er no planlagt eit hyttefelt i øspeskogji, ei utslåtte.

Nihaugen

I Nihaugji. Det heiter n(ede)i Haugji til skilnad frå uppi Haugji. Nedlagt bruk.

Her budde Halvor Knutson Mørk f 1766 som døydde under krigen 1807-14 (sjå «Hemsedal» s.154/164). Han vart g 1796 m Barbo Eivindsdtr Sygarde 1764-1814-50. Dei hadde: Knut 1796-1888-92, Kirsti 1798 g 1832 m Torleiv Knutson Bø i Ulnes, Valdres, Eivind 1800 d ung, Birgit 1803 d ung, Jartrud 1805 døydde på Hadeland, Kari 1808-1900 g 1836 m Knut Trondson Groset. Då Halvor og Barbo fall burt, kom Vesle-Knut Mekkelson Sygarde til å bu der g 1829 m enkje Barbo Jonsdtr Stunde 1783-1877-94. Barnlause. So kom Svein Ingvarson Nordigarde 1789-1831-42 g 1815 m Kari Eivindsdtr Høvdæ f 1793. Til bryllupet deira dikta Kristen Hulbak ei vise, som han GamleEivind hugste eit rim ifrå: Han Svein han sat burti ei ron som ein fant med sø i ei ause o eplu iblant. (Jfr. s. 332. Borna til Svein og Kari: Margit 1816-66-50 g 1844 m Ivar Klype på Tørsetsiun, Margrete 1818, Kari 1821, Ambjørg 1823, vart g l) m *Ola Olson Ulshagen* 1812-54 i Ål, 2) m *Andres Andresson søre Baklien* 1823-1912. I fyrste ekteskapet hadde ho ei dotter *Anne* 1852 g m Knut Olson søre Kvinnegarden f 1848, dei åtte Ulshagen, barnlause. I andre ekteskapet hadde ho sonen Ola (døyde som liten) og døtrane *Kari* d.e. g m kjøpmann Embrik T. Svarteberg, *Kari* d.y. g m Lars Larsson Strand og *Ambjørg* 1862-1912 g m Torleiv Andresson nedre Hove. Alle tre har mange etterkomarar i Ål og andre stader. (Botolv Baklien). Guri 1826 g 1850 m Torleiv Torleivson Hago i Ål, Barbo 1828 fløtte i 1853 til Vang i Valdres, Svein 1831, kom til etter at faren var død og vart upp kalla etter han. - Kari vart g att 1835 m Jon Person Viljugrein f 1793. Han vart kalla Silde-Jon. Det hende seg at han var i arbeid hjå ein mann i bygden som dei kalla «Presten». So sa Jon ein dag: «Det æ gildt å få tene hjå ein prest.» Og «Presten» svara: «Æ e prest, so ska e gie de eit nabn: Tjuve-silde.» Jon og Kari hadde ein son som var skakk i halsen: Per 1837.

Nedre Uppihaugen

Gnr 86, bnr 13. I nedre Uppihaugji. Seinare kalla Grøndalshaugen, no berre Haugen (uppi Haugji).

Det ligg nær å tru at eit ektepar Torleiv og Ingebjørg Fuglehaugji budde her. Dei er ikkje nemnde elles. Dei hadde två born: Margit 1796, Knut 1797. Gamle-Eivind sa at på Fuglehaugji, heim stølen til Nordigarde, budde ein Mons, bror til Ola Hansson Snikkerbrøta. Det kunna tenkjast at Torleiv og Ingebjørg budde der. - Ingvar Groset og Høylanden dei kalla, budde ei stutt tid i Uppihaugji. Noko lenger Eivind Olson Nordigarde 1821-84-63 g 1848 m Sigrud Embricksdtr søre Hjelme 1828-57-29. «E va i lagji deiris,» sa Gamle-Eivind, «mor henn Sigrud va fasytste mi.» Herbrand Føssebakko frå Gol var spelemann der. Eivind og Sigrud hadde: Ola 1848, Margit 1853-61-8, Embrik 1855 d, Embrik 1857-61-4. - Eivind vart g 2) 1859 m Guri Torkjellsdtr Brandvøl 1836-74-38. Barnlause. Då Eivind fall burt, vart Uppihaugen kjøpt av Trond Ingvarson Grøndale 1854-1940 g 1885 m Kari Knutsdtr Fekjo 1854-1940: Ingvar 1886-1969 bonde i Grøndalshaugji, Kari 1888-1956 g 1914 m Andres Grøndalsdøkken, Birgit 1891 g 1916 m Per Vilhjelmson Brandvøl, Margit 1895 g 1914 m Eivind sygarde Grøndal, Karoline 1898 g 1925 m Eirik Svingen på Fauskemoe. Eignedomen var frå gamalt heller liten som

leveveg for ein huslyd. Dei leigde slått utanom og dreiv elles med lauving og ruskaforing. Trond hadde ikkje hest, han laut låne i Nordigarde om so trongst. Det meste vart drege eller bore i hus. Trond var flink murar og ein sterk kar. Han bar 100 kilos mjølsekker den bratte vegen upp til gards og kvilde berre ein gong (på Kvilarsteine). Ingvar overtok garden i 1918 g 1919 m Sigrd Eiriksdr Hulbak 1891-1958. Han kjøpte attåt slåtta Myrelo av Nordigarden, det vart eit godt stykke tilleggsjord, og fekk seg hest. Dessutan dreiv han som smed, snikker og laftetimrar ved sida av gardsarbeidet. Bygde ny driftsbygning 1943 og nytt bustadhus 1948. Borna til Ingvar og Sigrd: Kari 1920, Trond 1922, Erik 1923 bonde i Haugji, Gunhild 1925 g m toldar Birger Aksnes i Oslo (har två gjenter og ein gut), Karoline 1927 g m bygningsnikker Odd Bråthen, dei bur på Bergtun 68-29 (två gutar), Olav 1929 bygningsnikker busett i Oslo g m Anne Karin Lund (två gutar), Ingrid 1934 g m bonde Erik Juvkam i Bagn, Valdres (ein gut og 3 gjenter), Borghild 1932. Erik overtok garden 1966. Driv mest med sau og foringsdyr. Attåt er han bygningsnikker. Fekk ny veg til gards 1959. Har eit par utleieghytter. Til garden høyrde heimstøl i utkanten av heimeeigedomen (Haugastølen, det gamle Fuglehaug) og langstøl på Heggjiletto. Stølsdrifta vart nedlagd 1957.

Øvre Uppihaugen

i øvre Uppihaugji. Nedlagt bruk.

Her bygde Nils Steingrimson Finnset 1766-1849-83 g 1799 m Barbo Olsdr Hustad i Sjøheim 1778-1852-74. Dei hadde ein son: Steingrim 1812-37-25. - Ei syster til Nils, *Sygni*, døydde i Grøndale 1832. Ho hadde vore g m ein *Hans Støle* i Lien, tilhaldar hjå Nils. Då Nils og Barbo fall burt, vart det ikkje lenger nokon som budde i Uppihaugji.

Snikkerhuso

i Snikkerhuso. Nedlagt bruk.

Her budde Eivind Andresson Mørk f 1759 g 1834 m Anne Gudtormsdr f 1798, dotter av Gudtorm Torsteinson Furuhaugo og Anne Olsdr Jordheim. Eivind var flink røkkesvarvar og snikker. Han laga røkk og pløggekiste for alle gjenter som gifta seg i Hemsedal i 1840- og 50-åra. «Ogso for min mor (HF). Dei kalla han alltid: Snikkern i Grøndale. Han kom til Ola Nordigarde for å tene, og hjå han fekk han bygsla jord til å buseta seg på. Eivind og Anne hadde: Andres 1834, Knut 1836, Jertrud 1843, Anne 1849. Huslyden rtA i 1862. - Ingvar og Anne Rusto kjøpte Snikkerhuse og budde der i tre år 1862-65. Reiste derifrå til Båste. - Gamle-Eivind og Kari Grøndalsdøkken var der i 8 år. Kom so åt Resabakko. Sea budde ingen der.

Søre Hjelman

Gnr 86, bnr 18. På søre Hjelme.

Her bygde Embrik Torleivson Vøllø 1790-1847-57, bror til Jon Storeluun, g 1826 m Margit Eivindsdr Sygarde 1804-86-82: Torleiv 1826-1906 bonde på Hjelman, Sigrd 1828-57-29 g 1848 m Eivind Uppihaugji, Eivind 1831-57-26, Olaug 1834-59-25 g 1858 m Ola Torkjellson Brandvøl. Torleiv fekk garden g 1) 1855 m Kari Knutsdr Vente 1820-67-47. Kari lenge sjuk av ein svulst i magen. Dei hadde ei dotter: Margit 1856 g 1873 m Jiggjer Olson Grøndale, busett i Valdres. - Torleiv vart g 2) 1872 m Gunhild Oddsdr Hallbjørshus 1840-1913-73. Ogso dei hadde ei dotter: Kari 1873 gift i Gol. So vart søre Hjelman i 1915 kjøpt av Kristen Vente, som før hadde ått Veslestølen i Lykkjun. Kristen 1863-1922-59 vart g 1894 m Ragnhild Ransedøkken frå Gol: Aune 1896-1933, Lars 1898 bonde på søre Hjelman, Jørgine 1899 g 1931 m bonde Wilhelm Treverket, Gol (tre gutar, ei gjente), Ragnhild 1901 g 1932 m bonde Kristian Blakkestad, Gol, Ivar 1904-1973 sjåfør for A/L Hemsedalbilane, busette seg i midtbygden, Barbo 1907 g 1950 m Harald Gullikstad frå Odalen, Oskar 1913 g 1950 m Margit Håheim frå Hardanger (två gjenter), ho døydde i 1955, og han vart g att m Anne Løten (dei har ei gjente). Lars overtok garden g 1929 m Maria Pålhus: Born: Ragnhild Haldis 1933. Søre Hjelman var ein heller liten eigedom, og Lars kjøpte *Snikkerhuso* som tilleggsjord. Ved sida av gardsdrifta dreiv han som snikker og smed og ogso jakt. I 1922 tok han ein jerv som han då fekk ein skotpremi på kr. 900 for, det var mange pengar den tid. Garden hadde två langstølar, ein i Klante, som han selde til Knut Groset i Medgarde, og ein på Torsbu. Maria var heller skral med helsa, so i 1945 selde dei garden til Andres Trøim, fekk seg tomt på Trøym og bygde seg hus der (sjå Haugtun 67-67). I 1950 vart garden seld att til Peder og Synnøve Berge frå Borgund. Dei dreiv mykje med geit og sau. I 1961 kjøpte Andres Trøim garden att, og Peder og Synnøve kjøpte seg eit hus nede i Grøndalen som Julius Bjerke hadde sett upp (Fristad) og der bur dei framleis. Heretter vart ikkje søre Hjelman drivi lenger som gardsbruk. Andres Trøim har bruket som tilleggsjord.

Myljo-Hjelmen Gnr 86, bnr 28. Nedlagt bruk.

Den Hallstein som budde i Hallsteinhuso, var på Myljo-Hjelme ei tid. Likeso Nils Person Viljugrein og huslyden hans. Dinstert han Sølve-Ivar dei kalla, 1815-65-50, son til Sølve Knutson Haugo ved Trøym. Han vart g 1847 m Margit Eivindsdr Åtnehaugji på Tørsetsiun, der dei hadde butt ei tid, og etter at Ivar fall burt, fløtte Margit dit att. Frå då sto Myljo-Hjelmen øyde. Bygselbruka Nihaugen, Snikkerhuso, Myljo-Hjelmen og Enden fekk mannen i Nordigarde att for 100 kroner stykket då dei som hadde bygsla bruka for levetida, gav avkall på bygselretten.

Nørdre Hjelmen

Gnr 86, bnr 20. På nørdre Hjelme.

Gamle-Eivind sa at Ola Knutson Vøllø, eller Store-Vøllø dei kalla, budde her. Ola 1798-1838-40 vart g 1828 m Kari Olsdr Fausko f 1803: Ola 1828-33-5, Knut 1832, Ola 1835. - Kari vart g att 1839 m Ivar Ørnulvson Sletto f 1814: Ola 1840 (g m Ingebjørg Haugssletten 1862), Guro 1842 (med son: *Ola* Torleivson 1866 d), Ørnulv 1844. Huslyden rtA 1866. Hjelmen vart då kjøpt av Knut Olson Nordigarde 1837-1915-78 g 1869 m Ingerid Torkjellsdr Brandvøl 1840-1914-74: Ola 1869, Kristi 1872-1924-52 rtA der ho vart g m Tomas Venåsbakko, Torkjell 1874-1926 bonde på Hjelme, Guro 1876-84-8, Ingvar 1878-1900-22 døydde uttafør, Ola 1883 rtA. Torkjell fekk garden g 1900 m Birgit Bubakka 1871-1964: Knut 1900 bonde på Hjelme, Engebret 1902 g 1938 m Erna Helene Skauen frå Balsfjord (sjå Skauen 67-46), Ingrid 1904 g m Trond Groset (sjå der), dei fløtte til Fiskum, Ingvar 1907 g m Ida Wergeland frå Sogn, Anne 1910 g m Knut Groset i Medgarde (sjå der). Knut overtok garden i 1925 g 1950 m Jenny Øverli frå Balsfjord. Nørdre Hjelmen var eit lite bruk frå gammalt, men eigarane - og ikkje minst Knut - har dyrka upp mykje både heime og på stølane, so det no er ein god og velstelt gard. Til garden høyrde två langstølar, ein på Klante og ein på Torsbu, men stølsbruket er no slutt. Det er selt tomter og bygt hytter både heime og på stølane, og Knut har hatt ei god inntekt av dette. Det kan nemnast at Liv og Dankert Mellbye kjøpte gamlestugu i Surre og ei gamal stugu frå Eikre og sette desse oppatt ovafor dei gamle tuftene på Myljo-Hjelme. Den gamle innreidnaden er teke vel vare på, slik at det no er eit lite Hemsedalsmuseum.

Tubba

På Tubbun. Nedlagt bruk. Matrikulert under Trøym 67-1.

Asle Nilsson Tubbun (frå Hølle f 1732) d 1773 då på Bakke ved Brandvøl, g m Anne Endresdr (Øndredal f 1733) var ein omvankande huslyd. Hadde butt på Tubbun, Øndredal og Kariset. Born: Endre 1761, Ingebjørg 1763-97-34 g m Ola Arneson Rustehaugji, Kari d.e. 1765, Kari d.y. 1769, Nils 1771-1848-77 bonde i Venåse. Etter det Gamle-Eivind fortalde, var Liv O. Nordigarde 1750-1815-65 g 1768 m ein Gudtorm Monsson frå Vestlandet (truleg Lærdal) dei fyrste som budde på Tubbun. Liv hadde fått Tubba i arv etter foreldra sine: Ola 1772, Mons 1775, Jehans 1777, Birgit 1779, Guri 1782, Knut 1789, Birgit 1791. - Denne huslyden må sistpå ha fløtt frå Tubbun, eller so har det butt två huslydar der samstundes, for i 1788 heiter det at Lars Helgeson og Sigrid Hansdr budde der. Foreldra til Lars var Helge Larsson d 1766, 37 år gamal, g 1749 m Kari Ingvarsdr Nordigarde. I 1752 og 1754 blir kona kalla Ingerid Ivarsdr. Enten er dette ei feilskrivning eller så vart han seinare g m ei syster til Kari. Upp gjeven alder for Ingerid 1828-82-54: Lars 1750 bonde på Tubbun, Liv 1752, Torleiv 1754. Lars vart g 1782 m Sigrid Hansdr Trøym 1753-1816-63: Ingerid 1782 g 1808 m Torleiv Tomasson Øyn, Kari 1785-1849-64 g 1815 m Knut Bekkjidale, Rangdi 1788-1877-89 g m Torleiv Strønden, ho sette livet til i eit jordras, Knut 1790 bonde i Vente, Sigrid 1793-1885-92 g 1820 m Sjugurd Stakkestøe. - Ei *Kari* Larsdr Grøndalsplasse hadde ei dotter: *Rangdi* Knutsdr 1807 (om det var ovafor nemnde Kari, veit ein ikkje). På Tubbun budde ogso Jon Jørgenson Venåse 1751-96-45 g 1794 m Ingerid Olsdr, dei hadde ei dotter: Gunvor 1795. Korleis rekkjefølgja var for desse ymse huslydane, er noko uviss. Vidare budde der Ola Torleivson g 1807 m Ingerid Aslesdr f 1787. Ved giftarmalet er dei skrivne for Trøym. Ho var dotter til Asle og Mari på ein Trøymsplass. I 1809 er ho skriven for Margit og i 1811 for Sigrid, men dette er feil. Borna til Ola og Ingerid: Barbo 1808, Asle 1809-10-2, Asle 1811, Torleiv 1814 d, Torleiv 1815-17-2, Sjugurd 1816. Ola Herbrandson Torset f 1754 g 1783 m Margit Pålstdr Hulbak 1763-1841-78 budde ogso på Tubbun. Ei tid var dei på Torset og so på Purkestad. Margit var lang på vokster og vart kalla Lange-Tubba (sjå Steinteigen). Gamle-Eivind kunna minnst at Halvor Olson Hustad på Sjøheim g m Anne Steinteigji, syster til Herbrand Steinteigji, budde på Tubbun. Dei hadde: Margit 1820-1900-80 døydde ugift på Bakke, Margit 1823 g 1860 m Jørgen Hansson Trøymshaugji, Harbo 1826 g 1864 m Torstein Janson Juven, Ola 1830-48-18. Jon Olson Trøym 1816-1903-87 g 1852 m Sigrid Hansdr Presthaugji 1823-84-61 budde på Tubbun ei tid. Sea kjøpte dei Enden og budde der resten av levetida. Born: Ingerid 1850 ugift, Ola 1853-60-7 sette livet til i eit jordras i Storflaurne, Hans 1855-1917-62 bonde i Enda, Knut 1858 vart gift i Valdres og budde der,

Kari 1863 ugift. - Foreldra var ute på arbeid den flaumdagen. Borna var inne aleine. Raset øydela stugu, og han Ola omkom. Dei hine greidde seg. Etter Jon og Sigrid kom Anfin Olson Fausketeigji 1844-92-48 g 1885 m ei Kari Ivarsdr frå Vestre Slidre, åt Tubbun. Dei hadde: Birgit 1885-1912-27 g m Per P. Imre, ho døydde av tæring, Kari 1888-1906-18 døydde av hjernebetennels, Ola 1892-93-1. - Frå då av sto bruket øyde.

Sletto

Gnr 67, bnr 16. På Sletto.

Sletto og Tubba hørde Trøym til frå gamalt, og Gamle-Eivind meinte at Sletto vart utskilt ifrå Tubbun. Noko av jordet var den gongen moltemyrar. Herbrand Trøym hadde kjøpt på auksjon Tubba med Sletto då det gikk ut med dei som budde der. Dei fyrst nemnde som budde på Sletto, var Ørnulv Herbrandson Sjøheim f 1771 g m Guro Olsdr Bakke. Ho vart alltid kalla Ødnølv-Guro (Ørnulv var uttala Ødnølv). Dei skifte bustad fleire gonger, var soleis på eit Viljugreinsbruk, eit Tuvsbruk og på Grøndalshaugji. Dei levde i stor armod. Dei slakta ei kyr ein haust med dei var på Sletto. Men dei åtte ikkje eingong kjøreld til å salte kjøtet i, dei salta det hegsetbenkji. Borna deira: Ambjørg 1796, Ambjørg 1797, Kristi 1799, Kristi 1800, Herbrand 1804-13-8, Kari 1806 d, Kari 1807, Ingebjørg 1810, Ola 1811-42-31, Ivar 1814 bonde på nørre Hjelle, rtA, Ola 1817, Herbrand 1820. - Det ser ut til at fleire av borna har døytt i fyrste leveåret utan at dødsfallet er meldt, etterdi fleire er uppattkalla. So har me på Sletta Svein Jakobson Vøllø 1775-1853-78 g 1796 m Kari Knutsdr (Trøym f 1775). Svein var stor og sterk, dei kalla han Sterke-Svein. Han greidde Finnsetlyftet, ein stor, rund stein på Finnset som berre dei aller mektigaste orka. Han var ein rute bror som tura og drakk og bråka. Han laut gå frå garden og døydde hjå Pål Hulbak. Svein og Kari hadde: Johanna 1799 d, Johanna 1800-96-96 (hadde ein son: *Svein* med Oddmund Jakobson frå Lærdalsøyri, han vart g 1867 m Kari Hansdr Engjo), Birgit 1803-1837. Johanna fekk garden g 1828 m Knut Halvorson Nihaugji 1796-1888-92. Dei bygsla Sletto av Trøym. Var av dei krevaste i Grøndale og vart rike folk. Johanna drog smør og ost so andre vart augunsjuke. Hest hadde dei ikkje. Knut drog heim for og lauv og mose og veia rjuper i tyltevis. Pengane sette han i banken på Nes, Gol, Lærdalsøyri. Johanna spann og vov vevstugar so digre som stokkar. Og ein lang arbeidsdag fekk dei bae två: 92 og 96 år. Born: Barbo rtA og vart der g m Ola Olson Haug, Ingeleiv 1833-1908-75 (med son: *Knut Jehanson* ca 1859 bonde på Sletto), Halvor 1836-92-56, Knut 1840 rtA. Då Knut og Johanna vart gamle, var det Halvor og Ingeleiv som styrde garden, som var bygsla til Johanna fall burt (1896). Då kjøpte Knut Jehanson bruket. Halvor var ein av dei beste rosemalarane i bygden. Knut vart g 1893 m Kari Knutsdr Bø frå Ulnes i Valdres. Dei var tremenningar. Kristi Halvorsdr Nihaugji, som vart gift til Bø, hadde ein son Knut g m Anne Nilsdr Fødnes, og Kari var dotter deira. Knut og Kari var barnlause. Sletto var på den tid ein liten og heller skral eigeidom. Og Knut var heller ingen driftig bonde. Men han var nevenyttig, dreiv med snikkerarbeid og gjorde mange fine ting. Han var den fyrste i Grøndale som sette opp utleigehytter. Stølen til Sletto var på Fete rett over elva, og her sette Knut opp dei två fyrste hyttene i 1925 og 1928. Etter at Kari døydde, vart Knut aleine på Sletto nokre år. Men so selde han garden til Kristen Vente i 1944 (sjå Træe). Kristen Vente budde på Sletto til han kjøpte Træe i 1946. Då selde han bruket til *Andres Trøim*, som for det meste har brukt jorda til beite.

Enden

Gnr 86, bnr 19. 1 Enda. Nedlagt bruk.

Bruket ligg aller nørdest i Grøndale og har fått namnet sitt etter det. Torstein Olson Fausko 1806-75-69 g 1834 m Kari Eiriksdr Dølehuso 1815-98-83 budde der. Dei fløtte derifrå til Vøllø (sjå der). So kom Jon og Sigrid Tubbun dit (sjå der). Son deira, Hans 1855-1917-62 fekk so garden. Han vart g 1902 m Birgit Olsdr Hulbak. Då Hans fall burt, vart bruket selt til landhandlar *Eirik Langehaug* og *Ola M. Ødegård*. Dei selde det att i byrjinga av 1920-åra til svensk statsborgar Odd (Odin) Danneborg g m Anne J. Grøto, som før hadde leigt gamlestugo i Dekko. Odd var reingjætar for Hemsedal Tamreinselskap. I 1931 vart bruket selt til Ola J. Grøthe, men huslyden Danneborg budde der framleis til Ola selde eigeidomen til Engebret Hjellen i 1946. Borna til Anne og Odin vaks opp her og gikk på skulen i Grøndale. Skulevegen laut dei traske og gå i all slags ver og føre. Etter 1946 budde huslyden i Heggjstad og stelte for Halvor til han selde garden sin til Trond Kirkebøen i 1961. Borna til Anne og Odd: Sjø Bjørklund 67-86. Bruket blir no brukt som støl. Stølen som hørde bruket til, var på Klante. Han vart selt til Jakob Haugen, som hadde eit lite gardsbruk i midtbygden (sjå Kirkerud 66-4).

Andre huslydar iGrøndale:

1. Per Grøndale har ein son: Tore 1730. 2. Ola Knutson og Gunhild Jonsdr Grøndale: Jartrud 1754, Jens 1755, Ola 1759.

3. Jon Torsteinson d 1797, 78 år gammel var g m Jørønd Grøndalsplasse: Gunvor 1762-98-36 (hadde två born utanom ekteskap: *Guri* 1788 og *Kirsti* Eivindsdr 1792), Torleiv 1765.

4. Torstein Olson Grøndale (frå Rusto) f m Anne Nordigarde f 1734: Ola 1763 bonde på nördre Fausko, Liv 1765, Ingvar 1768 bonde på Sletten i Lio, Kari 1770, Helge 1772-1851-79 bonde på Fauskemoe, Halvor 1775. 5. Mons Trondson Grøndalseigo g m Birgit Toresdr: Olaug 1783. 6. Halvor O. Grøndalseigo (d 1773) g 1772 m Guro Larsdr: Ola 1772. 7. Torleiv Mekkelson Grøndalseigo f 1747, son til Mekkel Eirikson Fausko og Guri Torleivsdr (f 1747 eller Guri Løkji f 1743), vart g 1808 m Margit Monsdr f i 783: Margit 1808 (fekk ei dotter: *Barbo* Andresdr 1832). Margit Monsdr vart g att 1821 m Nils Heggjistad. 8 Trond Knutson og Ragnhild Olsdr Gryjndale vart gift 1790.

Kva for eit bruk som vart kalla Grøndalsplassen og Grøndalseigo, er ukjent.

Andre døde i Grøndale: Asle Grøndale 1699. Helge Grøndale 1699. Knut Ørjanson 1724, 83 år Anne Aslesdr 1741, 83 år. Mekkel Halvorson 1748, 92 år. Torleiv Hansson 1753. Hans Olson 1857, 8 år. Ei fattigkone frå Grøndale 1772, 72 år. Halvor Olson 1773, 43 år. Knut Eivindson 1781, 24 år. Jon Ingvarson 1794, 3 år. Tydni Andresdr, fattiglem 1807, 80 år. Ingebjørg Trondsdr 1819, 65 år. Anne Halvorsdr 1831, 90 år. Barn: Kari Trondsotr 1834. Legdslem Ingrid Olsdr 1845, 96 år. Legdslem Margit Olsdr 1854, 90 år. Margit Ingvarsdr 1861, 50 år.

Venåsen og Lio

Ved Tuv kløyver dalen seg. Til høgre har du Grøndalen, til vinstre *Venåsgrend* fyrst, deretter *Lio* som ligg i ei kvelv for seg sjøl med skogkledde lier rundt. Lio og Grøndalen var dei nördste skulekrinsane for samanslåinga. I gamal tid var det visstnok kløvjaveg nordover både frå Grøndale og frå Lio over til Borgund i Lærdal. Gjennom Lio og Mørkedalen, som blir kalla Heimdalen nemmast nordafor Lio, vart det bygt kjerreveg kring 1837-44: upp dei bratte Venåsbakkane og vidare gjenom gardreppen i Lio nord på stølane og vidare forbi Bjøbergo og over fjellet. Her vart posten frakta i gamal tid, og det var mykje samferdsle og handel med bygdene vestafjells. især med Lærdalsøyri, før Bergensbanen kom. No er riksvegen noko omlagd og går på vestsida av elva eit stykke. Til *Lio* kan ein rekne Skøyten, søre og nordre Lio (Kjøstellie eller Medlie), Løvehaugen, Flate, Slette, Huso, Bjødnbergstølen (i grenden kalla Stølen), Lauvset og Bjøbergo, som ligg for seg sjøl nordpå hegfjellet, og so dei nyare bustadene Liheim og Nordli. For seg sjøl i den vakre sørhellinga mot Tuv har ein Venåsgrende som møtest med busetnaden nordover frå Tuv. Nedlagde bruk i Lio: Eikro, Gamlehaugen, Prestehaugen, Døkk, søre og nördre Bergo, Storeskar og Enden. Frå Lio gikk det ein stig over åsen åt Grøndale, ein snarveg som dei ofte nytta. Uppkomne på åsen hadde dei eit storfelt utsyn over dalen og fjellheimen på Vestsida: Høg-Røggjin, Svarthamarn, Storenatten, Småskriutn og Store-skrjo. Stigen gikk vidare i ei smal glenne ved Småhøvdutn. På nördste Småhøvda hadde ein utsyn både mot sør (Mjellhøvd og Brennhøvd) og mot nord (Stølnøse, Veikjinfلاغet, Øystølnøse, Rundhøvda, Kregderhøvda). So bar det nedover Kringlestøllie, over Juvebekken, forbi Fagersetvøllatn og so på ei gidde over Grøndøla. «Når jeg i tanker ser disse egne, jeg varmes. Vemodet trenger inn ved alle de minner om barndoms og ungdomslivet her. Jeg står i Glennen ved Småhøvda og ser Fagersetbotnen med sine høie, bjerkeklædde vegger rundt om og i bunnen Fagersetvatnet. På nordsiden av vannet ligger heimstølene åt Tuv og Viljugrein. I lien på vestsiden stølene åt Bakke, Reiarstletten, Kariset. På østsiden stølene åt Brandvøl, Fausko, Vøllø. Fagerset var et vakkert sted, særlig i sommer tiden. Om våren når jeg gjættet i Lioåse, var jeg ofte med buskapen sørover mot Småhøvda og stakk da østover i Glennen. Så langt øst at jeg så Fagersetbotnen. Det var storartet å stå på høiden der og se på maleriet: det stille blå vann i bunnen, de løvklædde bjerkelier med de mørkeblå fjellkonturer på toppene rundt om, den blå himmelhvelving til tak, fjellene og liene som gjenspeilet sig i det dørgstille Fagersetvann. En og annen høstdag kunde jeg atter stå der. Men vårens liv var borte, det var høstens vemod som ruget over stedet» (HF).

Til *Venåsgrenden* høyrer Venåsgardane, søre og nördre Venåsbakko, Sletthaug, Svingen og Støyten, Sjøheim og dei nyare bustadene Veneli (Skinnfeldgarden), Sletterust og Granbakken. Var alt dette *ein* gard frå fyrst av, må eigeomen ha femnt over Store vidder. Det kan hende at Venåsen i gamal tid åtte heile Ershøvd-stølslaget, men Øndredal og Hustad haka seg fast der. I Heimdale åtte Venåsen Kvelve på vestsida, der sat dei sist på sommaren. Det er ogso utslåtter til gardane. Lie vesta åne blir kalla Venåslie. Der hadde dei heimstølar på ei skørr eller hylle i Røgga. Der sat dei vår og haust. På søre Hælso sør for Lauvdølun har Venås ei skogli, men det er nokso kravfengt å koma upp der til Hælso-bakko, Hælsoleiven og Turtedøkken. Denne skoglie på søre Hælso høyrer Venås til sørover til Rjupehøvda ved Hølleskaret. Heimevinna i Venåse, som vender mot sør, har vore velskikka til åker. Røggjin stengjer om vinteren, so sola er burte 18 veker. Matrikuleringa Lio-Venåsen tok til i nord og gikk sørover, motsett elles i bygden. Her har me snudd på det og tek det andfares nordover med

Bjøbergo som nørdeste og siste eignedomen.

Støyten

Gnr 91, bnr 6, lnr 687. I Støyte.

Jakob og Kristine Viljugrein, seinare Rakke, budde her ei tid. So nemner kyrkjeboka ei gjente Birgit Jakobsdtr Støyte som i 1772 fekk eit barn utanfor ekteskap: Sjugurd 1772-73-1. Faren var soldat Embrik Eivindson Lien. I 1801 budde det i Støyte ein Ivar Herbrandson f 1768 (var son til Herbrand Arnulvson og Ambjørg Ivarsdtr nedre Venåse) g 1794 m Margit Olsdtr. Hå dei budde då enkja Ambjørg Ivarsdtr. Ho døydde i Støyte, og det var skifte etter henne i 1805. Buet var verdsett til 45 rdl. Vidare budde det hå dei ei Margit Monsdtr med son: Halvor Eirikson, två år gamal, fødd utanbygds. Mekkel og Kristi, som seinare kom åt Skøyte, budde i Støyte kring 1811. Sea budde i Støyte Vilhjelms Mekkelson sygarde Grøndale 1778-1857-79 g 1812 m Kari Olsdtr Brandvøl 1786-1881-95. Kari vart nytta som nerkone (jordmor) over heile Nordbygda i si tid. «Jeg har minst så godt et ord av Kari. Hun sat på et flytningslass fra Mørkedalen. Gammel da. Bestemor spurte henne: Ko ha du levvt tå i sommar, då? E ha levvt tå mate, sa Kari. Spørsmålet var ment: Hvem har latet dig få mat?» (HF). Borna til Vilhjelms Mekkelson og Kari: Kirsti 1812-79-67 g m Per Strønden, Ingerid 1814-34-20, Mekkel 1817 bonde i Støyte og i Dalo, budde so i Stakkestøe, rtA, Sigrid 1820-1908-88 g 1856 m Torleiv Purkestadhaugo, Kari og Barbo 1826, tvilingar, Barbo hadde ein son: *Ola* Olson 1854-58-4. Mekkel fekk garden g 1859 m Sigrid Sjugurdsdtr Stakkestøe f 1834. Dei budde ei tid i Dalo (Eikre) og ei tid i Stakkestøe i Grøndale, derifrå reiste heile huslyden til Amerika. Dei hadde desse borna: Vilhjelms Mekkelson 1860 ikkje normal, Sigrid 1861 d, Ingerid 1863, Sigrid 1866, Kari 1868, Sjugurd 1871, Ola 1873. Støyten vart då kjøpt av Per Torleivson Strønden 1812-73-61 g 1840 m Kirsti Vilhjelmson Støyte 1812-79-67. (Sjå Strønde ved Tuv). Torleiv, son deira, 1843-99-56 g 1877 m Sigrid Andresdtr Hølto f 1848 fekk garden. Han var ein interessert mann som fekk mange kommunale ombod. «Det er gledelig å treffe folk, som har høiere interesser enn de rent dyriske formal: mette sig og formere sig. Mennesker kan gjøre godt i det stille, uten at det er videre påaktet eller påskjønt. Torleiv døde forholdsvis tidlig. Mavekreft. 1899 holdt prest Olaf Olson (senere prest i sandsvær og prest og prost i Gran) 17de mai-gudstjeneste i Hemsedal. Da jeg og kone kom att fra kirken da, møtte jeg Torleiv, som kom kjørende. Men jeg kan aldri glemme det nedslåtte blikk, han hadde da. Han kom fra doktor Olsen, Nes, og hadde nok da fått vite at døden, redslenes konge, var i anmarsj. Han døde allerede 16de juni» (HF). Born: Kirsti 1878-1968, Per 1879 d, Olaug 1881 g 1915 m Ingvar Øyn i Venåsbakko, Per 1884-1950 bonde i Støyte, Rangdi 1886, Andres 1888 d, Andres 1890-1965. Per fekk garden g 1914 m Guro Eiriksdtr Hulbak 1887-1965. Per var medlem av heradsstyret. Born: Sigrid 1915, Torleiv 1917 bonde i Støyte, Erik 1923 g m Anne Skredegård, dei bur i Hønefoss (har två gutar og två gjenter). Torleiv overtok garden i 1950 g 1951 m Gunhild Kirkebøen: Gudrun 1952, Marit 1954, Per 1958, Olav 1963. Frå 1939 har Torleiv vore trygdesjef for Hemsedal Trygdekasse. Støyten har heimstøl i Heimdalen, Pershjelmen dei kallar, og langstøl i Mørkedalen Like ned for Støyte ligg den vakre Rjukanfossen. Fallrettane for den og for Lauvdøla vart kjøpt av Aker kommune under føre verdskrigen, men det vart ingen utbygging då. No i nyare tid gikk alt inn i utbygginga av Hemsil I.

Reiarslette - no: Sletten

Gnr 91, bnr 1, lnr 685.

På Reiarsletten. No skrivi: Sletten.

Til denne grenda høyrer Reiarslette, Sletthaug og Støyten. Reiarslette er ikkje nemnd korkje i skattematrikkelen av 1647 eller i manntalet 1664-66. Men i eit skifte frå 1728 etter Knut Sjugurdson Reiarsletten heiter det: «Jeg Torsten Knudsen Willumgreen haver afstaaet og overdraget aj min Ret og Tilstand udi Knud Syversens nu paaboende Plads Reiersletten, som skylder aarlig 1 Løbel med Bøxel og Aasæde saa som hans Salig Fader Syver Reiersletten mestendelen of raa Rødder ryddet og opbygget haver.» Etter dette ser det ut til at Sjugurd Knutson var den fyrste som rudde og bygde åt seg i Reiarsletten (men etter kven har so bruket namn? OR). Torstein kallar seg syskinbarnet til Knut Sjugurdson, som hadde tre brør: Mons d som barn 1699, Torleiv og Knut. - Torleiv vart g m Birgit Arnesdtr, dei hadde sonen Sjugurd 1725. - Knut, som also døydde i 1728, var g m Margit Jakobsdtr. Dei hadde: Ivar 1724-45-21, Sjugurd 1726-46-20. Sjugurd vart g 1746 m Sunnev Ørjansdtr (Øndredal f 1712), men både han og Sunnev døydde sama året dei vart gifte. Dei let etter seg ein son: Sjugurd som vart bonde på Reiarsletten. So blir det nemnt ein Gudtorm Monson Reiarsletten f på Øndredal 1698 og g 1728 m Margit, enkja etter Knut Sjugurdson. Dei døydde baa två i 1762. Dei hadde hatt ein son Knut 1729, men han døydde fyre foreldra. Det vart syskina til Gudtorm og Margit som arva dei ved skiftet i 1762. Gudtorm hadde tre brør og ei halvsyster. Arvingane var: 1) Ørjans Monsson Øndredal g m Kari Jakobsdtr, dei hadde: *Ørjans* g 1745 m Jørønd Persdtr, *Mons* g m Guri Embriksdtr, han var bonde på

Hustad, *Sunnev*, død ved skiftet, hadde vore g m Sjugurd Knutson (sonen Sjugurd var då 16 år gamal). 2) Jon Monsson d 1751, Venåse, g 1751 m Kari Embriksdtr, dei hadde: *Gunvor* g m Jon Bjørnson Venåse, *Sissel* g m Knut Nilsson Viljugrein f 1725, *Sunnev*, død, hadde vore g m Halvor Knutson Brandvøl (hadde ei dotter: *Sunnev* 5 år), *Ingerid* 22 år. 3) Oddmund Monsson g m Barbo Sjugurdsdtr, bonde på Brandvøl. 4) Halvsystema Ingebjørg Monsdtr, død, hadde vore g m Vilhjelm Grøndale (hadde ein son: *Trond*). Arvingane til Margit: Sjugurd Knutson, død, hadde vore g m Sunnev Ørjansdtr (son: Sjugurd). - Gudtorm Monsson er nemnd i eit skifte brev 1746 som bestefar til den Sjugurd Sjugurdson f 1746 som vart bonde i Sletthaug. Gunnvald Person nemnd under Hustad 79-2 budde på Reiarletten ei tid. Likeso Jon Sjugurdson Hallbjørshus 58-1 g m Liv Toresdtr Torset. I 1801 bur Hans Olson Eikre 1761-1840-79 på Reiarletten g m Ingebjørg Bjørnsdtr Løkji 1764-1837-73. Dei hadde: Guri 1789-1873-84 fekk garden, Kari 1791, Kari 1793, Barbo 1796-1801-5, Jæse 1799-1801-2, Bjørn 1806-10-4, Barbo 1808 g 1836 m Ingvar Pålhuso rA. Guri fekk garden som odelsgjente g 1810 m Embrik Rasmusson frå Leveld i Ål d 1836, 82 år gamal: Hans 1814-50-36 bonde på Reiarletten, Rasmus 1815-92-77 ikkje normal, Bjørn 1816-1900-84 bonde på Reiarletten, Halvor ukjent fødselsar d 1821, Halvor 1822, Ola 1826-90-64 bonde i Skøyte. Hans fekk garden g 1841 m Barbo Olsdtr Venåse 1805-98-93. Dei var barnlause. Barbo vart g 2) 1871 m enkjemann Ola Olson Jordheim. Ola var då 73 år og Barbo 66. Etter Hans fekk broren Bjørn garden g 1857 m Liv Sjugurdsdtr Stakkestøe (nedlagt bruk i Grøndale) 1828-86-58. Barnlause. Bjørn vart eingong valt til rotemann for vegen. Han orsaka seg med at han ikkje kunna lesa skrift. «Ja, kan du ikke lese, får du komme på tukthuset og lære,» svara lensmann Meyer. - Bjørn og Liv var snille og flinke folk. «Ved jonsok en vår hadde de som sedvanen var, vært ved kirken og gått til alters. De kjørte. Nettopp som de skulde fra kjøreveien op til Reiarletten, kom far gående. De sto da ferdige til å bære kjerredraget de 2-300 metrene fra veien op til gården. Ved å kjøre mente de å skade noen gresstrå på engen. Far sa: Å kjør! Når I slår her til sommeren, viser det ikke engang hvor kjerrehjulene har gått! Men nei, kona tok i skjekene og Bjørn under bakdelen på kjerresetet mens han leidde hesten etter seg. Hjulene fikk stå til en annen gang. Jeg nevner dette her fordi jeg derved kom til å forstå hvor pirken de smått mennesket dog kan tenke undertiden. Sporene vilde være grodd att til slåtten. Det var jo en hel måned til den. Og selvom de ikke det hadde gjort, var det jo helt uten betydning for gårdens formengde. De måtte slite for et feil regnestykkes skyld. Den åndelige synskrets var for snever. De satt godt i det økonomisk, de slet for sine arvinger. Barn hadde de ikke. Når Bjørn som den siste av dem var død, mintes jeg ordet: Hvem skal det nu tilhøre det som I har samlet? Hvor mange av de formentlig sparte gresstrå kom nu på hver utarving?» (HF). Me borna vart strengt pålagde at me ikkje måtte trø i graset når det grodde (OR). Omkring 1881 vart Reiarlette selt til Hans Ingvarson Venåsbakko f 1845 og g 1882 m Birgit Andresdtr Skar i Steinteigji f kring 1857. Dei hadde laget sitt sama dagen som den nye kyrkja vart vigsla, 7. juni 1882: Karoline 1883-87-4, Ingvar 1885-96-11, Andres 1888-96-8, Knut 1891-1966 bonde på Reiarletten, Kari 1894, Ingvar 1897, Andres 1903-04-1. Knut overtok garden g 1925 m Kirsti Vilhjeldsdtr Brandvøl 1888-1969: Birgit 1926 fekk garden, Kristine 1930 g 1957 m Per Jensen, dei er busette i Oslo (har ei gjente og ein gut). Birgit overtok garden 1969. Langstøl i Mørkedale. Heimstølen Kringlestølen er nedlagt. - Det er frådelt tre tomter.

Hagetun

Gnr 91, bnr 10. Ny bustad.

Ingvar Reiarletten, skriv seg Sletten, fekk seg tildelt tomt av eigedomen og bygde åt seg der i 1955. Han og Kari, syster hans, bur her. Ingvar har drivi mykje som rosemalar. Han tok upp arven etter dei gamle rosemalarane i bygden og har med sin gode smak gjort ære på dette gamle kunst yrket. Kari har på si side drivi med husflitsarbeid.

Sletthaug

Gnr 91, bnr 3, bnr 686. I Sletthaug.

Torstein Eivindson og Sigrid Olsdtr hadde ei gjente til dåpen: Gunhild 1777. Sjugurd Sjugurdson 1746-1813-67 g 1) 1765 m Sigrid Torleivsdtr, som døydde året etter. G 2) 1767 m Sygni Halvorsdtr (kan hende dei har butt på Reiarletten): Sjugurd 1767 d, Halvor 1769, Margit 1774, Sjugurd 1775 g 1805 m enkje Helgæ Palsdtr Bakko, Sygni 1779-1810-31 g 1810 m Arne Asleson Torset (Åtnehaugji). Sygni døydde i siste barnseng, og Sjugurd vart g 3) 1780 m ei Inga Knutsdtr: Sjugurd ca 1780, Sunnev 1781, Birgit ca 1783-1847-64 g 1810 m Anfin Stølsplasse (plass under Bjødnbergstøle), Gudtorm 1786 bonde i Sletthaug ei tid, g m Gunvor Jørgensdtr Venåsbakko f 1798. Dei hadde ein son: *Sjugurd* 1817. Anfin Stølsplasse 1775-1840-65 som vart g m Birgit Sletthaug, budde ei tid på Sletthaug og elles på fleire stader: på Stølsplasse, på Purkestad og i Skrukkun: Helgæ 1811-88-77 g 1830 m Ola K. Fausketeigji budde i Finsethaga, Sjugurd 1815 g 1844 m Margit Oddmundsdtr Grønåse, budde i

Krøssherad, Ola 1817 d, Ola 1818 g m Margit M. Lauvset, bonde på Stryken, Nes, Margit vart mykje nytta som bakstekjæring og reikjæring i gjestebod, Inga 1822-1900-78 budde på Prestthaugji i Lio og i Skøtedøkken, Knut 1825 g m Margit Torsdtr Jordheim, bonde på Slettemoe, Nes. *Sjugurd* og *Margit* hadde ein son: *Anfin* 1845-96-51, amtskulærar på Eiker, i Numedal og Krøssherad, til slutt klokkar i Røyken. Vyrd og vene sæl mann, hadde ogso poetisk gjevnad. Her er ei liten prøve frå 1888: Og sangen fra vårlivets jublende hær den klinger så dugfrisk og ven. Den lokker dig langtfra, den bruser dig nær så klar og så lokkende ren. Og tonerne tar dig lindt under arme og løfter dig opad mod Gud og livet får skjønhed og fylde og varme og ser på dig ømt som en brud. Men glød dine våben i kundskabens ild og hærd dem i «levende vand», og mød så til kampene op med et smil, vær ærlig og kjærlig og sand! Står korsmerket malet på ungdommens skjolde som fylkingens fagre symbol, skal troldene sprække og tvilene kolde forsvinne som rimmfrost for sol. Herbrand Ivarson 1801-87-86 som vart g m Kari Knutsdtr Vøllø 1807-99-92 budde fyrst på Vøllø og kom so til Sletthaug, men bytte gardar med Henrik Jonson i Venåse 90-3 (sjå der). Henrik 1791-1852-61, som opphavleg var ifrå Store-Jordheim, vart g 1822 m Kari Halvorsdtr Rusto 1794-1873-79. Dei hadde: Jon 1822-61-39 omkom i ei snøskriu ved Veslenøse i Veikjinfjelle, Halvor 1824, Per 1827 g 1868 m Ragnhild K. FekjortA (i Hemsedal hadde dei: *Henrik* 1868), Ola 1829-1905-76 bonde i Sletthaug rtA, Kari 1832-1916-84 g 1866 m Halvor Ø. Ullsåk rtA. Ola fekk garden g 1868 m Guri Jonsdtr Mykleset frå Gol. Ola var ein drivandes kar, og dei sto seg godt i Sletthaug, men rtA i 1880 samen med Kari og Halvor Ullsåk. Dei hadde: Kari 1867, Henrik 1868-69-1, Henrik 1870, Sissel 1872-73-1, Jon 1874, Embrik 1876, Sissel 1879. Då Ola rtA med huslyden sin, vart Sletthaug kjøpt av Ola Olson Lien (89-1) 1832-1917-85 g 1878 m Guro Olsdtr Støle f 1850, dei hadde før butt mange år i Medlien: Anne 1873, Ola 1875 (desse två borna døydde av skarlaksfeber 1876 og vart gravlagde sama dagen), Ola 1878-1903-25 skreddar, døydde av hjartefeil, Anne 1881 g 1904 m Ola Trondson Tuv på Bjødnerstøle, Gunvor 1885-1951 g m Knut Tuv d.y., Ola 1888-1963 bonde på Sletthaug, Gunhild 1902 gift i Drammen. Gunvor og Knut Tuv styrde ein barneheim på Voss nokre år, kom so til Hemsedal att og bygde seg eit hus på Sletthaug: *Vonheim* (91-7). Dei var barnlause, men tok born i pleie, og det var ikkje få som gjennom åra vaks upp i Vonheim. Knut døydde i 1947, Gunvor 1951. Ola overtok garden, som han dreiv til han selde han i 1938 til Eirik Svingen (sjå Fauskemoen 82-10). Ola fløtte då til Gunvor og Knut på Vonheim og overtok denne bustaden då dei fall ifrå. Då Ola døydde i 1963, vart Knut, Ola og Trond Tuv på Bjødnerstøle eigarar av Vonheim. Det blir fortalt at Ola Lien og Tomas, bror hans, ein vårdag 1867 gikk upp til Veikjinfjellet for å «ta møse». Det var attåt-onning i gamal tid, og mange nytta «melønne (håballen) til dette arbeidet. Dei la mosen i brøyer til om hausten, då vart han raka samen i såter og so køyrt heim på vinterføret. Då han Ola og Tomas var komne på randen mellom Storebøtte og Veslebøtte, sag dei at ein mann kom leiande med ei kvit kyr burtpå rande ved Veslebøtte og Hjallo. Dei syntest det likna på han Mekkel Lauvset og undrast på kvar han hadde fått tak i den kua. Dei går over mot Veslebøtte og ventar å møte han Mekkel burtpå rande, men ingenting er å sjå. Var det berre eit fata morgana? Sjølv trudde dei at det var underjordiske som hadde synt seg. Det gikk mange historju (historier) om haugafølk (underjordiske) i gamal tid. Lars Grøto (f 1836), som vart bonde på Hjallo i Nes, fortalde: På Bergastøle va det svært med haugafølk. Ja, so ille at te slutt bar det kji te å vera der. Det bli sagt at nørde Eikre fyrst hadde støln sin her. Men den la dei ned o rудde se støl på øvre Eikrestølo, der dei æra no. Gofa min i Lykkjun, han Svein Storejorde og han Ola uppa Bakko vilde burt i Eikrelie o rise ein haust. Dei vilde liggji på Bergastøle. Det va 'n Svein som kom på det. Ola sa at han tørde ikkje. «Æ du so redd som ho GauteMargit,» spurde han Svein. Det va kjæringji hass Gaute i nørde Lykkjun. Det vart te det at dei reiste, riste o gikk åt Bergostølbun for å liggji der. Det va åre i bun, o dei la se på kor sin krakk ved åren. Rett som det va, rulla han gofa tå krakkji. O med 'ri sama skratta det ute. «No Svein, få me gjestebø,» sa 'n Ola. Han gofa la se att. Men det va kji lengji bie, so rulla han ned att are venda. Då rann sinne på han. Han sprang ut, skjende og forplikta se på at han skulde rundjule alle i hop. Då skratta det som ein heil skjøreflökk burtpå vølle, o han såg ein svart døtt som hōppa upp o ned o vart burte. Ettepa va det stilt. - Før føreldro mine vart det burte ei botut kyr på Jonsstølo. Ho va burte i två daga. Følk leitte o leitte, men kyre va burte. Men best det va, kom kyre ut or Høgebrauten åva stoin. Ho va brend i bakenda. Ho hadde nøkk vøre inne hjå haugafølkji. - Like eins vart det burte ei kyr før gofa mine i Lykkjun, ei brandut kyr dei kalla Brandføg. Han sette se på hesten o rei rundt ein haug nea Veslestøln, kytte på haugafølket o sa at kom dei ikkje att med kyrn, skulde dei få li før det. So rei han upp att te Storejorde. O enten du vil tru me enn inkji: två tima ette kom kyre, å ho va brend i baken da ho med. Erik Svingen f 1903 g 1925 m Karoline Grøndalshaugji f 1898 hadde Sletthaug frå 1938 til 1968. Dei brukar sitt eige ættenamn, *Svingen*, og det gjer alle som bur i Sletthaug no. Born: Birgit 1926 g 1954 m Knut Ullsaker (62-3), Kari 1927 g 1955 m Nils Skattebo og busett i Valdres (dei har tre born), Kristine 1930, Ola 1931 g 1957 m Marie Engene overtok Sletthaug, Torbjørn 1939 g 1960 m Terje Lie, busett i Oslo (har eitt barn). Ola og Marie overtok garden i 1968, Ola er sjåfør i Statens vegstell. Born: Kirsten Marie 1957, Magnhild 1961, Eva Beate 1970. Sletthaug har langstøl i Mørkedale, Sildegjerde dei kallar.

Huset

i Huse. Umatrikulert bruk.

Like ned for Vonheim var det ein bustad dei kalla Huset. Her budde enkja Birgit Øndredal 1849-1937 med borna sine: John 1876-1946, Margit 1892-1958. Margit fekk eit barn: Ingvar 1925-42. Han vaks upp i Vonheim. Etter Johns død vart bustaden seld til Lars Juvet og fekk matrikelnumret 91-8.

Sjåheim

Gnr 90, bnr 7, lnr 683. I Sjåheim. Skriveform: Sjaheim.

Knut Halvorson Vøllo eller Sjaheim han døydde i Hallen ved

Brandvøl 1761 var g 1) m Guro Jonsdr: Liv 1711 g 1740 m Halvor Lien, som enkje budde ho som tilhaldar i Venåse, Guri ukjent fødselsår g m Pål Bjørnson Langehaug. - Knut vart g 2) 1726 m Ragnhild Jonsdr: Guro 1727 g m Torkjell Olson Uppsata, dei budde i Hallen. Sjugurd Knutson og Margit Torgeirsdr Øndredal f 1727 budde i Sjaheim: Knut 1752, Anne 1760, Guri 1762, Torgeir 1764. Arnulv Herbrandson budde i Sjaheim ei tid (sjå nedre Venåsen). Ola Halvorson Hustad budde i Sjaheim og i Huso (sjå Hustad). Ein Knut g m ei Velgjerd budde ogso der, dei hadde ein son: Ola 1798. Meir veit ein ikkje om det ekteparet. Kan hende fløtte dei ut. Omkring 1800 budde i Sjaheim Per Toreson Fausko f 1757 g 1796 m Jartrud Øgrimsdr Æråker i Venåse. Dei budde ogso i Lykkjun ei tid: Eivind 1797, Tore 1799, Nils 1801, Gunvor ca 1810-53-43 g 1840 m Svein Olson søre Skølt. So er det nemnt ein Torleiv Bjørnson Tuvsplass 1774-1846-72 g 1810 m Olaug Vilhjeldsdr Grøndale 1785-1864-79: Birgit 1810 g 1830 m Eivind Torsteinson Purkestad, Olaug 1815-1908-93 g 1837 m Sjugurd Olson Hødnungset i Gol. Dei kjøpte seinare nedre Brøten og bygde der. Kjøpte so øvre Brøten av Nils Brøta, bror av Ola i nedre Brøta. Nils hadde fått den fikse ideen at ein mann i Gol hadde kjennskap til kona hans, utan grunn, meinte folk. Difor selde Nils garden og fløtte til Valdres. - Olaug vart g 2) 1876 m enkjemann, kyrkjesongar i Gol hadde vore, Sjugurd Håvelson, som døydde av lungebetennels 26. juni 1892 kring 90 år gamal. Dei budde i Brøta. Torleiv og Olaug Sjaheim hadde ogso ei dotter: Guri 1821, som var blind, ho budde hjå Olaug Hødnungset, syster si. Som leiglending budde i Sjaheim Per T. Strønden og kone, seinare Torleiv Olson og Sigrid Torleivsdr Øyn ved Viljugrein (sjå der). So kom dei två brørne Bjørn Herbrandson Purkestadhaugo. Dei kjøpte Sjaheim. Store-Bjørn 1818-98-80 g 1844 m Barbo Torleivsdr Øyn 1818-1901-83 hadde: Herbrand 1844 rA, Margit 1846-65-19, Torleiv 1849 g 1871 m Margit Olsdr Venåse, dei rA (i Hemsedal hadde dei: Bjørn 1871), Ingerid 1852 g 1873 m Ola Nedremyrseigo frå Hol (sjå Fauskemoen), Mari 1855-57-2, Lars 1857 g 1890 m Ingerid Hustad d.y. bonde på Fauskemoe, Jakob 1859 skomakar, ugift, rA. Vesle-Bjørn 1821-74-53 g 1849 m Gunvor 1823-98-75 dotter til Arne Sørbølog Margit Viljugrein. Dei hadde: Margit 1849-52-3 foreldra budde då i Lien, Margit 1852 g 1871 m Eirik Olson Huso, Herbrand 1854-55-1, Margit 1857-77-20 tente uttafør, kom heim dødssjuk, Kari 1866-79-13. Dei två huslydane åtte garden samen og budde i lag. Vesle-Bjørn budde i stugun og Store-Bjørn i kleva. Dei kom godt overeins. Dei levde nok i småe kår. Garden var liten og skulde fø två huslydar. Men vanta den eine noko, skøytt den andre til, so sant det fanst. Store-Bjørn tusla so stilt, var lågmælt og logn i pratet. Barbo likeeins. Vesle-Bjørn var høg mælt og munter, ein livat kar. Gunvor tok det på sama visen. Dei två brørne hadde funne kvar sin make som likna på dei sjølve, det var det merkelege. Store-Bjørn og Barbo døydde på Fauskemoe hjå Lars, son sin. Dei hadde ei stugu der siste åra dei levde. Vesle-Bjørn døydde i Sjaheim etter berre nokre få dagars sjukdom. Gunvor levde att som enkje i 21 år, og vart mykje brukt som reikjæring i desse åra. Ho var ferm og munter og som skapt for ei slik oppgåve. «i april 1879 møtte jeg henne ved Tuvbroen. Kom bærende med en stor trekrøss på akslen. Våt i ansiktet av gråt. «Kem ska ha denne krøssen,» spurde jeg. «Å, det æ nøkk ho Kari, dømte mi, det.» Og så løsnet en tårestøm på ny. Mannen var død, den første Margit, den tredje Margit, hennes eneste sønn Herbrand, nu den 13 årige, kjække Kari. Kun Margit i Huso hadde døden spart. Så megen lidelse som somme mennesker må bære!» (HF).

Store-Bjørn var so uheldig at han forderva seg stygt i den eine handa då han dreiv med minering på vegarbeidet ved Tuvbrua. Var i lang tid hjå Sunneva Kvame i Borgund som stelte om såret. Han fekk 5 spd om året av staten som godtgjersle for den mein og skade som uheppa førde med seg. So vart Sjaheim kjøpt av handelskar Per Person Rese 1851-1908-57 g 1879 m Barbo Andresdr Intelhus f 1856. Frå Sjaheim reiste dei til Lier. Per vart sparka i hel av ein hest. I Hemsedal hadde Per og Barbo: Per 1880, Andres 1881, Ola 1883. Bjørn Eivindson Reso 1835-1920-85, som før hadde butt på Storeskar og i Venåse, kjøpte no Sjaheim. Bjørn vart g 1862 m Åse Herbrandsdr Venåse 1843-1922-79. Åse gikk ein dag med eit brev åt Venåshaga for å poste det, vadde i stor, blaut snø og vart våt, lagdest sjuk, låg til sengs heile sommaren og døydde om hausten. Borna til Bjørn og Åse: Eivind 1866-1945 bonde i Sjaheim, Herbrand 1874-75-1 kom til på Storeskar og døydde der. Eivind fekk garden g 1899 m Ingebjørg Trondsdr Brandvøl 1873-1961: Margit 1900-50, lei av medfødd hjartefeil, var tol-

leg bra i barndomen, men vart mykje sjuk og låg til sengs i mange år, Herbrand 1905 bonde i Sjøheim vart g 1953 m Elisabeth Hansen Berskaug frå Åssida ved Drammen f 1908. Herbrand overtok garden i 1938, sama året det vart bygt nye uthus. Innehusa vart omvølte og moderniserte i 1960. Herbrand har vore ein slitar og arbeidsmann gjennom alle år. Han fekk ei god støtte i Elisabeth, kona si, som alltid er i godt lag, gjerne grip til ein spøk og er godt likt i grannelaget. Herbrand har lagt ned eit stort arbeid i sundagsskulen på Tuv, der han kom med alt i 1921 og der han framleis er aktiv. Var medlem av kyrkjelydsrådet i fleire år.

Venåsen

I skattematrikkelen 1647 er Venåsen oppført som halvgard med *Haluor Wenaasenn* som brukar, *Guttorm Mogens(sen)* eig det halve av garden. I manntalet for 1664-66 er garden oppført som øydegard med *Tore Amphinson* 46 år gamal som eigar av halve garden og *Haagen* 50 år gamal som eigar av den andre halvparten. Dessutan er det nemnt ein husmann: *Amund*, soldat 36 år. Eit dokument frå 1678 syner at ein Ivar Asleson selde ein Venåsgard til ein Halvor Olson. Og ei kontrakt frå 1696 syner at ein Gudtorm Vilhjelmson avstår sin rett til ein Venås-plass til Mons Gudtormson for 18 rdl. Gudtorm er ogso nemnd i kyrkjebøkene. Han hadde ein son: Ivar 1694. Om ein plass under Venåse har Jakob Helgeson m.fl. gjeve attest 1701. Eit ektepar Lars Toreson g 1707 m Ingerid Halvorsdtr er skrivne for Moen i 1707, men i 1711 for Venås. Dei hadde två born: Helge 1707, Halvor 1711, men so kjem Boyesentida, so dei kan ha hatt fleire. Kvar desse Venåsplassane låg, står det ingen ting om.

Øvre Venåsen

Gnr 90, bnr 2 og 3, fnr 681 a og b.

I 1729 selde Oddmund Monsson m.fl. ein arvepart på Venåse til broren Jon Monsson (båe var frå Øndredal) for 60 rdl mot at mor deira fekk livavere. Denne Jon Monsson døydde 1751, 64 år gamal. Han var g m Kari Embriksdtr: Gunvor 1720-72-52 g 1742 m Jørgen Jørgenson Venåse (90-1), Sunnev 1725 d ung, Mons 1732 d før 1763, Sunnev 1735-57-22 g 1753 m Halvor Knutson Brandvøl, Inga 1739 d før 1763, Ingerid 1741, Sissel ukjent fødselsår g m Knut Nilsson Viljugrein. - I skiftet etter Jon vart 3 løbel med bøxel utlagt til systemmannen Jørgen Jørgenson. Han døydde i 1773, 63 år gamal, g 1742 m Gunvor Jonsdtr Venås e 1720-72-52. Dei hadde: Mons 1744 g 1774 m Mari Hansdtr, dei budde i søre Venåsbakko, Jørgen 1746-1805-59 bonde i søre Venåsbakko, Knut 1750 d før 1773, Jon 1751-96-45 g 1794 m ei Ingerid Olsdtr, bonde på Tubbun, Mari 1755 g 1777 m Per Kariset og i 1788 m Bjørn Reso, Kari 1758 g m lensmann Per Viljugrein. Jørgen Jørgenson nr. 2 selde i 1780 øvre Venåsen til Øgrim Nilsson Æråker frå Borgund i Lærdal, d 1796, oppgjeven alder 90 år. Sjøl har Jørgen butt i søre Venåsbakko etter at Mons, bror hans, drog derifrå. Øgrim hadde två døtrar, som visstnok kom til Borgund: Velgjerd, ukjent fødselsår, g 1791 m Endre Nilsson Ullsåk, Jartrud, ukjent fødselsår, g 1796 m Per Toreson, dei budde i Lykkjun og i Sjøheim. Velgjerd var odelsgjente. Ho var haugianar. Døydde i 1830, oppgjeven alder 60 år. Endre, mann hennar, 1764-1840-76 var son til Nils Oddmundson og Ragne Endresdtr. Dei hadde: Gunvor 1794-1843-49 g 1812 m Einar Kyrkjebøn, bonde på Jordheim, Ragne 1797, Ragne 1808. Gunvor og Einar bytte gardar med Henrik og Ivar, sønene til Jon Storejordheim. Endre følgde med og døydde der. Henrik og Ivar delte øvre Venåsen i två gardar. Ivar fekk den nørdrø og Henrik den sørø.

Nørdrø øvre Venåsen

*Gnr 90, bnr 2, fnr 681 a.
i Venåse. Skriv seg: Venås.*

Ivar Jonson Storejordheim 1777-1839-62 vart g m Kari Larsdtr (ein veit ikkje kvar ho var ifrå) d 1854, oppgjeven alder 80 år. Han vart kalla Søvar-Ivar (sjå 65-8). Etter han kom det ein Ivar Høltø der, fortalde han Gamle-Eivind. Det var den Ivar Nilsson som er nemnd under Høltø og Høllebakka. Nils, son hans f 1822, vart g 1844 m Birgit Olsdtr nørdrø Venåsbakko. Dei rtA. So budde Lars Person Vøllø der g m Kristi Brandvøl (sjå Markegølo 54-2). Nils Olson Tubbun 1804-64-60 f i Steinteigji, budde i nørdrø Venåse ei tid. Hadde butt på Tubbun og i Åse før. Vart g 1840 m Guri Andresdtr Hallen 1818-54-36. Nils var skreddar, ein lesle mann: Ola 1841-1923-82 bonde i Venåse, Andres 1842-99-57 bonde i søre Venåsbakko, Knut 1846-ca 80-34 handels kar, budde på Hære på Snarum, Margit 1849-69-20 g 1867 m Ola Eirikson Bjøbergo. - *Knut* vart g nyårsdagen 1873 m *Rangdi* Persdtr Rese f 1854. Budde på Rese ei tid, kjøpte so garden Hære på Snarum. Han var handelskar, døydde tidleg. Rangdi vart g 2) m *Hans* Hære. Ola fekk garden g 1865 m Birgit Olsdtr Huso 1843-96-53. Ola hadde arva det lyse og lette lyndet åt faren. Var med i heradsstyret, skulestyret, fattigstyret m.m. Mange av denne huslyden døydde av tæring: Margit, Knut og Andres, likeso Olas kone og sonen Ola og dottera Guri. Borna til

Ola og Birgit: Nils 1866-1906-40 bonde i Venåse, Guri 1868-1918-50 g 1894 m Hans Løvehaugji, Birgit 1871-1921-50 ugift, Ola 1874-98-24 sersjantlærling, Andres 1878-1958 bonde i Venåse, Margit 1881-1947 (ho bygde seg i 1937 eit husvære i Grønole eller Venåshaga: *Ny tun* 90-29, dreiv som strikkerske, då ho fall frå, vart Nyttun kjøpt av Andres, noverande eigar er dottereottera *Gunvor Elise Hulbak*), Knut 1884-1959 bonde i søre Venåse og so søre Venåsbakko, Jakob 1887-1970 lærar på fleire stader, sistpå overlærar i Bærum g m Karen Sæthre-Bergsund frå Ådalen (två born: *Petra* 1913, *Odd* 1919). Nils fekk garden g 1905 m Sigrud Sjugurdsdtr nordre Venåsbakko 1870-1906. Nils døydde året etter at han gifta seg. Ein son: Nils 1906 kom til etter at faren var død. Andres fekk garden då Nils fall burt, g 1911 m Gunvor Huso 1882-1955. Dei två var trufaste slitarar som sette småe krav til livet, dei var tru over lite, som det står i Bibelen. Andres var ein djupt kristen personlegdom. Misjonsarbeidet var hjertesaka hans, og då især Misjonssambandet. Mang ei hardt upptent sparekrone fann vegen til misjonskassa. Ein varm vårdag sto han og brorsonen Trygve og sleit med å få upp ein stor stein utpå jordet. Då kjem det ein emissær gåande etter vegen. Andres slepper staurstonga, tek av seg huva og handhelsar på framandkaren, glad over å få vitjing av ein slik mann. Trygve derimot står berre og olmar og er bitter på «matpresten». Hendinga var typisk for Andres. Gunvor og Andres var passige med alt sitt arbeid. Tidleg ute med alle onner. Det møtte dei två store sorger: Ola einaste sonen døydde då han berre var eit år gamal (1919-20), og dottera Magda døydde ogso som barn (1926-30). Dottera Birgit 1912 vart g m Aslak Hulbak (sjå Bakkerud). I 1952 selde Andres garden til brorsonen Trygve Knutson Venås. Han bygde i 1953 nye uthus og vølte om innehusa 1967. Trygve f 1934 vart g 1956 m Anbjørg Hansen Blomstereng frå Kåfjord i Lyngen f 1935. Born: Knut Terje 1957, Toril 1959, Håvard 1963, Ann Elin 1970.

Søre øvre Venåsen

Gnr 90, bnr 3, lnr 681 b.

i søre øvre Venåse. Skriv seg: Venås.

Henrik Jonson Storejordheim var fyrste bonden på denne garden. Men han bytte snart gardar med Herbrand Ivarson Vøllø i Sletthaug (sjå der). Herbrand 1701-87-86 vart g 1829 m Kari Knutsdtr Vøllø 1807-99-92. Dei budde på Vøllø fyrst, så i Sletthaug og til slutt i Venåse. I barneflokket var det berre fem gjenter som vaks upp. «Det skal en sterk mann til å styre et hus mett med kvinnfolk. Og Herbrand var sterk» (HF): Tvilingane Eivind og Margit 1829 d, Margit 1832 g 1853 m Hans Olson Rese, dei rtA, Kari 1836-1916-80 sjukleg, ugift, Sunnev 1841-1925-84 g 1872 m Ola Knutson Reso, Åse 1843-1922-79 g 1862 m Bjørn Reso i Sjøheim, Margit 1851-ca 9544 g m Eirik Levorson Bergstøl f 1850, son av Levor Bjøbergo og Margit Reso, dei rtA, var heim att ein tur 1891. Etter nokre år døydde baa två. Då Herbrand fall burt, styrde dottera Åse g m Bjørn Reso. Dei kom frå Storeskar, og etter nokre år i Venåse fløtte dei til Sjøheim (sjå der). Etter dei styrde dottera Sunnev g m Ola Reso 1842-1920-78. Han var utlærd sersjant. Dei overlet garden til sonen Knut og bygde åt seg sunna Venåsen: i *Venåshaga* 90-13. Borna til Sunnev og Ola: Knut 1862-1943-81 ei tid bonde i Venåse, bygde so ei stugu åt seg i Lio (han var fødd 10 år før foreldra gifta seg), Marie 1879-1941-62 budde hjå mor si til 1925, sea i Sjøheim, Herbrand 1883 d. Knut, son til Ola Nilsson Venåse overtok so garden, g 1925 m Hanna Olava Frøhaug frå Hole.

Nedre Venåsen

Gnr 90, bnr 1, lnr 680.

i nedre Venåse. Skriv seg: Venås.

Utan å nemne bustad har kyrkjeboka ført upp Ivar Olson og Guri Helgesdtr med dotter: Barbo 1702. Barbo vart g m Per Torleivson Venåse d 1728. Dei hadde: Torleiv 1726-28-2 som døydde ei veke etter faren, Per 1728 kom til straks etter at faren døydde, men levde berre eit stutt bel. - På skiftet etter Per vart det m.a. registrert 7 kyr, 3 runingskviger, 13 sauer, 4 geiter. - Barbo vart g 2) m Anfin Hallsteinson: Per ukjent fødselsar, Hallstein 1733-34-1, Guri 1734 g 1765 m Mons Tomasson Øndredal, Anne 1739, Hallstein 1743 d før 1763, Ivar 1747 d før 1763. Guri og Mons budde fyrst i Venåse, so på Øndredal og til slutt i Grøndale. Dei hadde: Anfin 1766, Tomas 1769, Per 1773, Per 1775. Per, son til Anfin og Barbo, fekk garden g 1753 m Kari Sjugurdsdtr: Sjugurd ca 1753-96-43 bonde i Venåse, Hallstein 1756, Velgjerd 1758 g m Ola Rasmusson, dei budde i Venåse ei tid, Anfin 1762, Ola 1765, Barbo 1769, Barbo 1772. I 1783 sel Per garden for 299 rdl til Herbrand Arnulvson som døydde i 1792, oppgjeven alder 65 år. Han vart g 1751 m Ambjørg Ivarsdtr 1734-1805-71 (ho var einaste barnet til eit ektepar Ivar Knutson og Guro Olsdtr, dei vart gifte 1733, men bustaden er ikkje nemnd). Herbrand og Ambjørg budde fleire stader: i Venåse (eller Sjøheim eller Bakko), i Lien, på Øndredal og Vøllø. Ambjørg døydde i Støyte. Dei hadde: Guro 1757 g 1793 m Ola Olson Viljugrein (i 1805 budde dei på Tyristranden), Sunnev 1759 d før 1805, var g m Mads Andresen på Modum (dei hadde två born:

Andres og *Anne*), Kari 1762 g 1787 m Ivar Eivindson Høvdæ, Halvor 1765, Ivar 1768 (g 1794 m Margit Olsdtr og budde i Skøyte), Arnulv 1771 bonde på Sletto i Grøndale, Mekkel 1774 bonde i Skøyte, Ingebjørg 1776 d før 1805. So bur i Venåse Sjugurd Person ca 1753-96-43 g 1792 m Guri Sveinsdtr. Dei hadde gutane: Per 1792 og Sjugurd 1796 d, og dottera: Kari 1794-1841-47 budde på Øndredalsmoe (hadde sønene: *Ola* Person 1815 bonde på Hustadbergji, *Sjugurd* Embrikson 1821 bonde på Øyn ved Øndredal, *Per* Person 1827 bonde på Hermundstad i Vang i Valdres). I 1786 sel Sjugurd Venåsen for 398 rdl til Ola Rasmusson Imre f 1737 g m Velgjerd Persdtr Venåse: Per 1791. Dei budde i lier nokre år. So blir Venåsen seld att ved auksjon 18-4-1795 for 600 rdl til Ola Sevatson Brattegard frå Ål, som døydde 1804, 64 år gamal. Han var g m Birgit Halvorsdtr. Born er ikkje nemnde. Men i 1801 bur Sevat Olson hjå dei (han som seinare budde på nørde Ullsåk). «Familjer dukker op og dukker ned, man vet ei hvorfra eller hvorhen. Det er fortalt at en mann, som kaltes Venås-mann, gjorde sig en karm og vilde ro over hølen ned for Venås, for å komme den korteste veien til Venåsstølen. Men strømmen i elven var for sterk, den tok båten og mannen druknet» (HF). Nils Asleson Øndredal 1771-1848-77 budde i Venåse. Han vart g 1) 1805 m Birgit Halvorsdtr, enkja etter Ola Sevatson. Born er ikkje nemnde. Nils vart kalla «Keiven» avdi han var keivhendt. Han åtte ei tid kyrkja i Hemsedal. Var reinsjeger. Eingong var han samen med Ola B. Lien og Sjugurd Skøyte, og burte ved Flæe kom dei stoms på ein bjørn. Den kjempesterke Sjugurden skulde gå nemnast og skyte fyrst. Kula råka ikkje, og bjørnen stupte ikkje, men kom imot dei. Sjugurd la på sprang alt han orka og såg seg ikkje attende. Bjørnen stupte straks, men dei hine karane ropte til Sjugurd: «No kjem'n! No kjem'n!» Dei hadde moro av at den sterke Sjugurden for eingongs skuld vart redd. Nils vart g 2) 1826 m Rangdi Olsdtr Ullsåk eller Øndredal 1804-ca 79-75. Dei var barnlause. Som enkje vart ho gift att 1849 m *Nils Nilsson Eikle*, og dei budde på Viko i Gol. Rangdi og Nils Eikle kom ikkje over eins, er det sagt. Eingong mannen heldt på og gjorde upp eld i bastugun, stengde ho att døra. Men han kom seg då ut. Rangdi var rik, og slektningane fekk ein stor arv. So var det Ola Asleson g m Margit Løvehaugji som kom til å styre i nedre Venåse (sjå Løvehaugen). Det gikk ei herme etter Margit: «Det æ gale o altfør gale, sa ho Margit Venåse, klo se sundt.» Sonen Asle Olson fekk garden etter dei. Han vart g 1823 m Guro Olsdtr Hulbak f 1794. Asle kom seg noko upp økonomisk ved at han hadde grusinga av ein stor lut av den nye vegen frå Tuv over Hemsedalsfjellet: Margit 1825-57-32, Birgit 1827-64-37 g 1854 m Bjørn Olson Lien, Sunnev 1830 d, Sunnev 1832-64-32 g 1862 m Jakob Olson Husa, Ola 1836 bonde i Breidøkk i Gol, Ola 1839 rtA frå Breidøkk i Gol. - Då Ola Jakobson Huso måtte gå frå Fausko, kom han åt Huso att. Ein dag i 1857 sat han i Venåse hjå'o Asle. Karane hadde nok styrkt seg på ein dram fyreåt. «Ko vil du ha før garden din,» spurde han Ola, han sat endå på sengekanten ved fote-spennt, fortalde han sea. «Fjurtan hundre dalar,» sa han Asle. «E gie de det, e,» sa han Ola. «A nei, e får ha femtan hundre,» sa han Asle. «E gie de det med, e,» sa han Ola. Det var avgjort på fem sekund. «Ho Guro snugga frammi peise, e såg so vel at ho ikkji likte det,» sa han Ola seinare. Son til Ola, Jakob 1834-1914-80, som fyrst hadde Huso, kom åt Venåse. Der vart han g 2) 1866 m Anne Jonsdtr Hustad 1840-1917-77. Jakob var so flink til å danse. Og han syntest nok at brure følgde godt med. For då han hadde dansa med henne, sa han: «Det va løgle e skulde vera auig te få kjæring med so stor lever!» Jakob og Anne hadde: Birgit 1866-1905-39 g 1898 m enkjemann Sjugurd Torsteinson Skardsgard i Ål, Sunnev 1869 budde heime, eit uvanleg snilt menneske som visst aldri sa noko vondt om andre, Ola 1871-1912-41 bonde i Venåse, døydde av tæring, Ingerid 1872-74-2, Jon 1874-1913-39, tvilingane Ingerid og Gunhild 1876 d, Ingerid 1878-1915-37 g 1910 m Ola Torson Huse ved Sletthaug, som vart bonde i Venåse, Ivar 1881 rtA. - Birgit var mellom dei som vart vakt ved Hans Nes frå Lyster som reiste nokso mykje i Hallingdalsbygdene i åra frå 1888 og utover. «Hun hadde en vakker, vemodig sangstemme. Det var så hjertegripende å høre henne synge» (OR). Ola fekk garden g 1898 m Oline Olsdtr Fausko 1870-1955. Dei hadde: Jakob 1898-1916-18 drukna i Drammenselva i februar og vart ikkje attfunnen før 16. august, Anne 1899 g m Torstein Olson Bjødbrøta, bonde på Røysen i Gol, Ola 1901, Ingvar 1904, Olav 1906, Margit 1908, Olav 1910-11-1, Ola 1912-51 arbeidde i Oslo. Då Ola døydde i 1912, var det Ingerid, syster hans, som tok over styringa på garden, samen med mannen sin, Ola Torson 1877-1946. Dei hadde: Margit 1913 g 1941 m Sverre Østlie, dei bur no i Oslo (eit barn), Jakob 1914 bonde i Venåse. Då Ingerid fall ifrå, vart Ola g 2) m Guri Jonsdtr Skøyte f 1892. Born: Birgit 1918 g 1956 m Sverre Ekeberg i Oslo (har eit barn), Johan 1920-46 ein snill og lesleg gut som fall tidleg burt, Ingrid 1923 g 1947 m Jørgen Anderdal frå Nes, no murmeister og entreprenør i Oslo, Ola 1926 g 1961 m Berit Dynge frå Ål, driv entreprenørfirma i lag med verbroren Jørgen Anderdal. - Ola Torson fekk ein tung lagnad å bera. Gikta braut han ned so han vart arbeidsufør. Dei siste 20 åra var han bunden til stolen og senga. Men han hadde ei snill kone og flinke born, som tidleg laut ta over. Ansvaret fall då fyrst og fremst på sonen Jakob. Han var ikkje ferdig på skulen før han laut gjera mangt eit vaksemanns verk. Han laut finne seg ei kasse å stå på når han skulde sela hesten. Hestar vart forresten hans store interesse. Han dreiv ein del handel med hest, seinare ogso fehandel. Jakob har fram gjennom åra tamt eit utal med hestar, og då helst slike der andre laut gje opp. Elles var det helst Jakob dei gikk til i grenden når julegrisen skulde slaktast eller hesten

skulde bli skodd. Ein uvanleg benkasam og snill mann som aldri sa nei til dei som bad han om hjelp. - Då Ola fall frå, sette Guri seg opp eit hus nede ved riksvegen, *Bakkely*, og busette seg der.

Søre Venåsbakko

Gnr 90, bnr 4, lnr 682. I søre Venåsbakko.

Jørgen Jørgenson Venås e nr. 2 f 1746 sel 20-10-1772 ein plass dei kalla Storhaugen, og som må vera søre Bakko, til bror sin, Mons Jørgenson g 1774 m Kari Hansdtr (kvar ho var ifrå, er ukjent). Dei hadde: Gnnvor 1774-1825-51 g 1804 m Ola Hansson Trøym, Jørgen 1775, Hans 1778 g 1812 m Kari Monsdtr Kyrkjebøn, dei budde på Trøymshaugji, Olaug 1781 g 1803 m Halvor Olson frå ein Haugs-plass, Kari 1784. *Jon*, ein bror av Jørgen, vart g 1794 m ei *Ingerid*. Dei hadde ei dotter: *Gunvor* 1795, meir finst det ikkje om dei. Jørgen 1746-1805-59 fekk øvre Venåsen fyrst og kom so til Bakko etter Mons. Han vart g 1788 m Helgæ Pålstdtr Øygarde d 1839, 90 år gamal: Gunvor 1789 g m Gudtorm Sjugurdson Sletthaug, Jartrud 1792 g 1824 m Endre Øygarde ved Øndredal, Jørgen (Jørgenson nr. 3) 1794-1848-54 bonde i søre Venåsbakko, Pål 1797-1886-89 bonde i Skøyte og på Kvarve, Nes. - Som enkje vart Helgæ g 1805 m Sjugurd Sjugurdson Sletthaug. Jørgen Jørgenson nr. 3 vart g 1817 m Kirsti Eivindsdtr Grøndale f 1796, d i Valdres. Kirsti kunna av og til vera noko springande i pratet sitt. Då Helgæ paldtr, vermor hennar, var dd, gikk ho til klokkar Todøkk for å melde dødsfallet. «Va're noko middela ette henne som ska delast.» spurde Todøkk. «Nei.» svara Kirsti, «ikkje anna enn ei skarve skei, den låg burti hyllun, o nå maten va reiu, so et ho med me.» «Ho brukte ikkje skeie helde, då,» sa Todøkk. Då Kirsti vart enkje, var Ola Støle verji for henne. Ved ei samtale med han kom ho til å si: «Du får seta den daton då, at når e fær peingatn, so levera e de dei.» Borna til Jørgen og Kirsti: Jørgen (Jørgenson nr. 4) 1819-1906-87 bonde i søre Venåsbakko, Helgæ 1821 d ung, Eivind 1823, Helgæ 1826-1927 g 1847 m Sjugurd nordre Venåsbakko, Sjugurd 1829, Ola ukjent fødselsår rA, Sigrid 1834, Gunvor 1836 fløtte 1856 til Vang i Valdres, tvilingane Kirsti og Kari 1839 d. - Sjugurd rA og *Georg*, son hans, vart g m Ingebjørg Halvorsdtr Gølberg frå Gol. *Oskar*, son deira, var med i fyrste verdskrigen. Ingebjørg var av Berg-Ellestadætta. Om Arne Ellestad sjå Hallbjørshus. Kjende menn av denne ætta var lærar Hallvard Bergh i Valdres 1850-1923, kjend ogso som forfattar, og Hallvor Berg i Gol 1854-1905, kyrkjesongar og stortingsmann. Hallvor var ein djerv og stridshuga framstegsmann og kom ut i mykje politisk strid, m.a. med Olaf Skattebøl 1847-1930, som då var prest i Gol (jfr. Rudvin: «Ein Hallingprest» i «Hjemmenes Julebok» 1933). Hallvor Berg fekk lungebetennels natt til skjærtorsdag 1905 og døydde 2. påskedag då klokkene ringde til høgmesse. Jørgen Jørgenson Bakko nr. 4 fekk garden g 1857 m enkje Mari Eivindsdtr Reso 1818-1904-86. Han var fyrst ute etter Guri Olsdtr Rese, men ho sa nei takk. I eit lag på Viljugrein 1855 der dei bae var med, nærma han seg henne. Ho drog seg undå og tok spranget til Rese. Jørgen sprang etter. Men Guri læste seg inne og kom ikkje i laget meir. Ho vart verande ugift. Jørgen var ein grov hespil, so ingen vilde ha noko utestående med han. Då han hadde vore gift med Mari nokre år, selde han Bakko til *Knut Bjøbergo* og reiste til Vang i Valdres der mor hans budde. Kom snart att derifrå og heldt so til på ymse stader. Var fattig. Stal rett som det var. Kom på straff. Utattkomen gjorde han lovbrot på ny. Og kom atter på straff. Bar seg åt som sinnssjuk og vart lagt inn til gransking. Det resulterte ikkje i noko. Men normal var han nok ikkje. Vrang og vrien var han støtt. Eingong under transport til fengslet overnatta han og vaktarane hjå Rasmus Eikre. Han skulde liggje oppå tarre, men det vilde han ikkje. Sette seg ved peisen og la på eit svart eldsmæle. Vaktarane låg oppå tarre. Ved mednættesbel sette han atti spjeldet, so det rauk inn. Vaktarane laut upp att. Han la vinn på å plaga dei. Han var og ein tur til Amerika, men kom snart heim att. Dei siste åra han levde, vart han meir roleg av seg. Fattigvesenet bygde ei stugu på Tuvsbakka, der han og Mari fekk bu, Maristugo dei kalla. Der døydde dei bae två. Dei hadde två born, men dei drog ut or bygden, dei var skamfulle over framferda til faren: Jørgen (Jørgenson nr. 5) 1857-1923-66 døydde ugift i Hole på Ringerike, Kirsti ca 1860, det er ukjent kvar det vart av henne. Då Knut Bjøbergo hadde kjøpt søre Venåsbakko, vart Ingvar Sjugurdson brukar for han der (om Ingvar og huslyden hans, sjå Gamlehaugen under Lien). Ingvar døydde av sukkersjuke, Kari av brystkreft. Då Ingvar fall burt, vart Bakko selt til Andres Nilsson Venåse 1842-99-57 g 1887 m Ingebjørg Olsdtr Hulbak f 1858. Dei var barnlause. Ingebjørg vart g att 1904 m Embrik Ivarson Anfinhaugji f ca 1861. Ca 1918 selde dei Bakko til handelskar *Ingvar Embrikson øyn* og bygde åt seg på Jordheim 67-3, der bror til Ingebjørg budde. Ingvar f 1875 vart g 1915 m Olaug Torleivsdtr Støyte f 1881. Dei hadde: Torleiv 1916, Endre 1919. So vart søre Venåsbakko kjøpt av ein annan handelskar, *Ole M. Ødegård* «Grossen» (grosseraren) dei kalla. Ein dag i 1925 kom Grossen køyrande forbi Venåsen og råka han Knut søre øvre Venåse (90-3). «Vil du kjøpe tå me Bakko, du Knut,» spurde Grossen. «Ja, det vil e,» svara han Knut. Dei vart samde om kjøpesummen, og dermed var handelen avgjord. Knut var nyleg gift då og trong meir jordveg. Knut og Hanna fløtte åt Bakko og vart verande der. Dei fekk mange born, og det var ikkje alltid lett med utkoma i 20- og 30-åra. Men bae var flittige og strevsame menneske, og ungane laut tidleg hjelpe til heime. Knut hadde heile livet hatt eit veiktt syn, og litt om send miste han

det heilt. Den yngste dottera, Eldbjørg, fekk han berre ein veik skimt av, og den yngste guten, Trygve, såg han ikkje i det heile. Men Knut vande seg til å leva i mørkret, og han greidde mest alt gardsarbeid like godt som folk med godt syn. Å stelle med dyr likte han aller best, men han hogg ved, grov talle og slo med lå like godt som andre. Køyre med hest var uråd for han. Då dei fekk hest på garden i 1938, var det 11-åringen Kjell som laut halde i taumane. Knut tok jordakkord, braut stein og rudde vekk røyser på jordet. Sers mykje arbeid fekk han med eit døle beint ned for tunet. Der grytte han sjøl steinen på åne. Seine haustkveldar kunna dei høyre at han arbeidde der. Det skrall i stein og kom svære plask i vatnet. Om det var stommende mørkt, kvitta eitt for han. For det trufaste arbeidet på garden sin fekk han i 1948 Kongens påskjøningsmedalje. - Hans ljose og lette humør heldt seg ubrigda heile livet, ogso etter at han hadde mist synet. Han åtte evne til å feste seg ved det positive i tilværet, og det bar over mange ytre vanskar. På hans gamle dagar var det ein lite taktfull mann som sa til han eingong: «Det va no ikkje stort å leva ette helde, når ein ikkje kan sjå.» Knut svara straks og utan nokon uvilje: «Å, du veit det kan vera artig å leva o sjå koss han Molotov gjere det.» Det var på den tid Molotov førde det store ordet i politikken. Denne tvibotna replikken til Knut fortel både om sjøironisk livsvisdom og levande interesse for det som rørde seg i tida. - Til Bakko vart det serskilt, i 1927, kjøpt stølar på Ershøvd og i Kvelve, det var Grossen som selde dei med. Hanna tok også på seg mjølking av geit for andre, og etter kvart tok dei til å drive med geit sjølve i Bakko. Om vintrane var Hanna flittig med spune og bunding. Tida vart ikkje somla burt. Ho var sterkt interessert i misjonsarbeidet, og i mange år var ho formann i Lio Kvinneforeining for Det norske Misjonsselskap. Då ho døydde i 1962 var det ogso på veg til eit møte i denne foreininga. Knut var død två år før, i 1959. Hanna hadde ei dotter frå før då ho vart gift med Knut: Marie 1920 g 1944 m Anfin Dalene (sjå Dalo). Knut og Hanna hadde desse borna: Olaug 1926 lærareksamen ved Elverum lærarskule 1950, g sama året med dansken Johs. Jørgensen og fløtte dit, dei har bygt seg hytte i Venåse og er der alle somrar, Kjell 1927 professor ved Universi. tetet i Oslo, Bergljot 1929 utdana som sjukepleiar, ei tid helsesyster i Hemsedal, g 1956 m Karl Gjørde, frå 1972 styrar ei tid ved Bygdaheimen i Hemsedal, Eldbjørg 1931 g m Erik Huso i Lio, Trygve 1934 bonde i Bakko og Venåse. - Det merkelege hende at dei tre yngste borna i denne heimen gifta seg sama dagen, jonsokeftan 1956, i Hemsedals kyrkje. Kjell kom seg ikkje ut på skule før Trygve vaks til og kunna ta på seg gardsarbeidet. Tok eksamen ved lærarskulen i Volda 1954 og universitetseksamen ei tid etter. Vart tilsett ved Universitetet 1966, tok doktorgraden 1967 som den fyrste hemsedøl, frå 1972 professor i nordisk språkvitskap. Vart g 1963 m Alvhild Olaug Kleppenes frå Eid i Nordfjord. Dei tok over husa i Bakko og stølsbua på Ershøvd. Born: Atle 1965, Bård 1968. Trygve var på militærtjenest i NordNoreg og vart der kjend med Ambjørg Hansen Blomstereng, som vart kona hans. Han tok over Bakko og slo denne garden samen med nørdrø øvre Venåsen (90-2) som han kjøpte av farbroren Andres, og der slo han seg ned. Han og dei andre nyttar *Venås* som åttenamn.

Nørdrø Venåsbakko

Gnr 90, bnr 6, lnr 684.

i nørdrø Venåsbakko. Skriveform: Bakkene.

Som nemnt under nedre Venåse selde Per Anfinson Venås e 19-2-1771 ein plass Bakko til Herbrand Arnulvson. Men sea kjøpte han att Bakko og selde so bruket til Tomas Knutson, som nemnt under Skøyte. So kom Sjugurd Nilsson, som døydde 1794 i ein alder av 54 år, til Bakko. Han vart g 1771 m Birgit Knutsdtr Lien 1749-1820-71. Dei hadde før butt på Øndredal, og dei er ogso skrivne for Lien. Dei hadde ein son: Ola 1787-1864-77 som fekk garden. Ola vart g 1) 1814 m Anne Sveinsdtr Døkk i Lio f 1791. Dei var barnlause. So vart Ola g 2) 1816 m Ragnhild Tomasdtr Skøyte 1787-1885-98. Ola var, som broren Sjugurd Skøyte, ein sterk kar. Ragnhild var ei mild, stillfarande kvinne, eit av dei mange gode menneske som bygda har fostra. Ein sommar dei skulde fløta frå Ershøvd, venta Ragnhild seg. alle dei andre fløtte, berre Ragnhild sat att. Ola var der uppe då. Ragnhild stavra seg sørover kløvjavegen for å koma so langt at ho kunna huge over vatnet til Hustadstøle om hjelp i påkomande tilfelle. Då folk fekk høyre om dette, sa dei til Ola: «Det va rart du ikkje helde reiste sjøl.» «Å, e stirde no ette'n,» svara han. Borna til Ola og Ragnhild: Anne 1817 g 1842 m Torstein Fauskemoe, dei rtA, Sjugurd 181920-1, Sjugurd 1821 d, Birgit 1822 g 1844 m Nils Ivarson Venåse rtA, Sjugurd 1825-87-62 bonde i nørdrø Venåsbakko. Sjugurd fekk garden g 1847 m Helgæ Jørgensdtr Bakko 1826-1927 so vidt ein veit den eldste i Hemsedal i si samtid, ho var blind og låg til sengs dei siste åra ho levde, «Sjugurd hadde arvet sin mors fyndige vesen. Og han var omhyggelig for sin mor. Slik som barn burde være det. Og som somme også er det» (HF). Dertil var han ein hendig og uvanleg flink arbeidsmann. Braut upp og rudde mykje steinfull jord. Timremann var han og, alt vellaga og nett gjort. «I sinn og tenkemåte var han slik som jeg mener folk burde være. Hjelpsom, godhjertet. Religiøs var han, men fri, ikke ensidig. I somme opbyggeiser leste han predikener av huspostil. Han leste så lett og så flytende, som var det en lek for ham. Man blev ikke trett av å høre på hans lesning» (HF). Våren 1864

var han med sonen Sjugurd til Gulsvik, då han skulde på eksis. Det var i førefallet. Han vart forkjøla og pådrog seg astma, som han døydde av tre år etter. Dei fire sønene til Sjugurd og Helgæ drog til Amerika, men dei fire døtrane vart verande i Hemsedal: Ragnhild 1848 med son: *Eirik Olson* 1877 d, ho vart g 1879 m Andres Hallen, Ola 1850 d, Kirsti 1851 d, Ola 1853-ca 1919-66 rtA, Jørgen 1855 rtA, Kirsti 1858 g 1887 m Vilhjem Støyte på Brandvøl, Sjugurd 1861-1922-61 rtA 1891 og vart farmar der, Birgit 1864-1920-56 g 1891 m Tomas Olson Lien, Tomas 1867 rtA og vart der g m Kristi Knutsdtr Hjelme frå Grøndale, budde i Grand Forks, Minnesota, Sigrid 1870 g 1905 m Nils Olson Venåse. Sjugurd hadde garden 1887-91. Då kjøpte Birgit, syster hans, Bakko. Ho vart som nemnt gift med Tomas Lien 1838-1913-75. Tomas hadde mange pengar, hadde drege ihop pengar heile livet. Han var 53 år då han kom til Bakko. Borna til Birgit og Tomas: Anne 1894-1926 g 1914 m handelskar Eirik Lauvset, Ola 1899 lærareksamen ved Notodden lærarskule 1920, deretter artium og eksamen i filosofi, lærar på ymse stader, sist Nes på Romerike, der han no bur som pensjonert lærar (skriv seg *Bakkene*). Gift med Anne Finnvik frå Tingvoll. - Birgit vart gravlagd i sama grava som Ragnhild Tomasdtr, bestemor hennar, vart jorda 35 år fyreåt. Anne fekk garden og vart som nemnt g m Eirik Lauvset 1881-1921-40. Eirik var mykje med i det kommunale styre og stell, ved sin død var han varaordførar. Han døydde etter ein operasjon i Kristiania 18. oktober 1921. Då han vart køyrd nedover søndag 9. oktober, vifta han med eit lommeværk då dei for forbi Tuv. Det vart eit farvel for alltid. Anne og Eirik hadde tre born: Olga 1915-33, Tomas 1918 tok studenteksamen 1941, arrestert av tyskerane 1943 og sat i fangeleir i Tyskland til krigen slutta, tok so på att med studiet og fullførde historisk-filosofisk embetseksamen 1951, har vore lektor i Kirkenes, Troms, Hordnes og frå 1965 lektor ved Hallingdal Gymnas, g 1952 m Else Karen Bjørnsrud frå Nannestad (born: *Erik* 1955, *Torbjørn* 1965), Erik 1921 bonde i Bakko ei tid. - Anne vart att aleine med tre mindreårige born då mannen døydde. Det tok hardt på, og sjukdomen melde seg ogso for henne dei fem åra ho sea levde. For borna var det svært fyrst å misse faren og deretter mora. Det laut skaffast leigd hjelp, men som vel var, kom *Margit K. Bakke* dit i 1928, og ho vart ein trufast tenar. Ho tok seg av styre og stell og alltid til beste for borna. Ho fekk Norges Vels medalje for lang og tru tenest, og få har fortent det betre enn ho. Erik vart heime og dreiv garden so snart han var stor nok til det. Garden hadde frå gamalt två stolar på Ershøvd, men den eine vart fråseld til O. T. Kirkebøen 1923 og den andre til O. M. Ødegård 1920, og heimstølen i Kvelve vart selt i 1924 til Ola K. Flaget. Erik tok att ein støl burta åne på odel 1944, like eins ein skog oppå Hælsø som var selt til Ola Liheim. Ved sida av gardsbruket var Erik rekneskapsførar og revisor for fleire firma, styremedlem i Kjøttforretningen, medlem av liknmgsmemnda og vart innvalt i kommunestyret 1955. I 1956 vart han tilsett som likningsfullmektig i Gol og selde då buskapen og fløtte dit. Sea fekk han sama stillinga i Flå 1961 og so i Lier 1968, der han har kjøpt seg hus. Bakko blir nytta som feriestad. Erik vart g 1959 m Margrethe Briseid frå Feda ved Flekkefjord f 1921, ho er utdana som sjukesyster. Barn: Einar 1961.

Veneli

Gnr 90, bnr 34.

Brukskunstnarane Li og Vult Simon kom og busette seg i Hemsedal i 1952. Dei var baa utlendingar, Vult frå Sør-Tyskland f 1902, og Li frå Danmark f 1927, men har levt det meste av si tid i Noreg. Dei har två born: Martin 1954 og Vita 1958. Li og Vult Simon kjøpte tomt av J. Venås og sette fyrst upp ei stugu frå Leveld, noko seinare eit stabbur og so ei slättebu som vart laga om til hus for ein flokk villsau. I 1956 bygde dei eit større bustadhus, og her tok so verksemda «*Skinstrykk*» til. Tiltaket var nytt, men verksemda ei vidare. føring av gamal skinnfeldkunst. Dei byrja varsamt, men med trott og god smak la dei grunnlaget for vidare framgang. I 1958 hadde dei si fyrste utstilling i Oslo, som fekk mange lovord. Det hadde lukkast å tilpasse gamal norsk folkekunst for vår tid, og dei vakre tinga som dei laga, fekk god avsetning. Dei fekk kjøpt attåt noko meir grunn, «*Veneholtet*» dei kalla (gnr 90, bnr 60), og her bygde dei upp att fyrst ei badstugu frå O. Ødegård og so den gamle klokkargarden frå Nesbyen, som no fekk namnet Skinnfeldgarden Her vart det plass både til verkstad og butikk. Sidan har dei kjøpt attåt eit skulehus frå Vats, som er omgjort til hallingstugu, ei badstugu frå nordre Fekjo, eit gamalt trev frå Sletthaug og eit stabbur frå Hovet fjellgard (frå fyrst på 1700-talet). Gamal byggjekunst og gamal og ny brukskunst er her sameina på ein god måte. At Vult og Li Simons skinnklede no er kjende og selde vidt omkring i verda, er prov for at dei er verdsette for venleik og god smak.

Sletterust

Gnr 91, bnr 16. Ny bustad.

Eigar: Erik sandaker frå Flå f 1911, g m Birgit Hilde f 1907. Born: Odd og Marit.

Granbakken

Gnr 90, bnr 40. Nyare bustad.

Noverande eigar: Nils Nilsen Venaas f 1906, son til Nils Olson nørdrø øvre Venåse (sjå der) og Sigrid Sjugurdsdtr nørdrø Venåsbakko 1870-1966. Ei tid etter at mannen fall frå, fløtte Sigrid med sonen Nils til den nybygde *Granbakken* 90-40. Sigrid er vel eit av dei snillaste og mest hjartegode menneske som har butt der i grenden. Ingen fekk koma ut att frå heimen hennar før dei hadde site innåt og drukke kaffe, og maken til eplekakutn henne Sigrid fanst ikkje. Til ungane fann ho alltid fram ein brun sukkerklomp. Sigrid var eit truande menneske frå sine unge år, ho levde i pakt med sin bibel. Dei siste 2-3 åra budde ho på Bygdaheimen, men var klar og åndsfrisk like til ho døydde 96 år gamal. Sonen Nils reiste til Oslo i 1926 og vart g 1930 m Alvilde Romedal f 1909. Dei har fire born. Nils arbeidde ved Sporvegen i 40 år. Er no pensjonert, men bur heile sommarhalvåret på Granbakken.

Andre i Venåsgrenden:

I kyrkjebøkene er oppført: Knut Knutson Grøndale g 1781 m Sila Ingvarsdtr 1742-1803-61: Margit 1782-1835-53 g 1815 m Trond Sjugurdson Tuv, Knut 1788-94-6, då han var fødd, budde foreldra på Tubbun. I skifteprotokollen står det at Knut døydde i 1788, og namnet er der skrivi Nerål, retta i margen til Venås. Namnet på kona er skrivi Sissel (Sila eller Silla er stuttnamn for Sissel). Namnegevinga kunna tyde på at han eller far hans var frå Nerølsgrenden i Hol og at han budde ei tid på Tubbun i Grøndale og ei tid på ein plass under Venåse. I skiftet er registrert 1 gryte, 1 takke, 1 øltunne, 1 bytte, 1 kjelke og 1 ku til 5 rdl. Ein Ola Venåse er d 1706, 76 år gamal, Ingebjørg Arnesdtr Venåse d 1748, 20 år, Birgit Torsteinsdtr Sjøheim 1752, Per Hallsteinson Venåse 1765, 80 år, Margit Torsteinsdtr Sjøheim 1767, Knut Knutson Venåse 1772, 64 år, Ingebjørg Torleivsdtr 1788, 84 år, Knut Tomasson Venåse 1804, 17 år. Ein Halvor som budde i Venåse, hadde fem born, deriblant ein son Hans Jørgen og ei dotter Liv. Halvor fall tidleg burt, og enkja fløtte so til Eiker og derifrå til Drammen. Liv vart seinare g m ein slaktar Brede Henriksen i Drammen, som sat godt i det. Hans Jørgen laut tidleg ut for å tene, og var fyrst visargut hjå ein kaptein Rumohr i Drammen, som seinare fløtte til Sogn, og her vart han konfirmert. So drog han til Christiania og vart skreddarsvein. Hans Jørgen f 1806 vart g m Inger Kristine Andersdtr frå Svelvik. Ho var og av småkårsfolk. Dei vart buande i Christiania og kom seg bra upp. Men Hans i Jørgen vart ingen gamal mann, han døydde brått i 1854. Den eine av sønene - August - kom som ganske liten i huset hjå morsyster til Hans i ørgen. Ho var gift med ein Jens Andersen frå Nes på Romerike, som i sine yngre år hadde vore tenestgut hjå Hans Nielsen Hauge på Bredtvedt. Dei hadde kjøpt Jomfrubråten, den gongen ein stor gard på sørskråningen til Ekeberg frå Grønlio utover til Bekkelaget med ganske mykje skog. Dei var barnlause, og August fekk det som barn i huset. Her var han til han byrja på skule. Fosteremor hans og likeeins syster hennar hadde utvandra frå Hemsedal. August - skreiv seg *Weenaas* - studerte til prest, var lærar i den høgre skulen nokre år, deretter stiftskapellan i Finnmark og so två år sokneprest i Loppa. Då fekk han kall til å bli professor i teologi for utvandra landsmenn i Amerika. Etter sju år som prestelærar reiste han heim att til Noreg og var i seks år prest fyrst i Vesterålen og so i Tinn. So kom det på nytt kall frå Amerika, og denne siste gongen var han prestelærar i seks år der over. So kom han heim att til Noreg og var prest her til han tok avskil i 1917. Han var født i 1835 og døydde i 1924. (Han par sjølv fortalt om livet sitt i eit etterlate manuskript «Livserindringer fra Norge og Amerika», prenta i Bergen 1935. Biografi av A. F. W. i. Prytz i *Norvegia sacra* 1924 s.178-82 med portrett.) - Weenaas var gift två gonger, fyrst 1862 med Valborg Iversen, som døydde i 1873, og so 1875 med Marie Iversen død 1920. Han hadde i alt 14 barn, men alle, so nær som tre av døtrene, døydde i ung alder. Hans dotter Frieda 1877-1976, utdana som songpedagog, ferierte i alle år etter 1935 i Hemsedal og budde på Venås støle på Ershøvd. Ho hadde ei god helse og var ein ivrig fjellvandrar i Hemsedalsfjella like upp i sin høge alderdom. I Oslo var ho mykje med i det arbeidet som Oslo Indremisjon har drivi for dei forkomne og elles i misjonsarbeidet.

Skøyten

Gnr 89, bnr 8, lnr 679.

i Skøyte. Skriveform: Skøyten.

Knut Tomasson d.e. 1708-56-48, nemnd under Kjøsteslien, budde i Skøyte, som truleg frå fyrst av var ein plass under Kjøsteslien. Han vart g m Ragnhild Knutsdtr og var bror av Eivind Tomasson i søre Lien. Skiftet etter Knut 1756 syner at han hadde fire born: Liv 1743 d ung, Tomas 1748-1801-53 bonde i Skøyte, Kristi 1750, Ingerid 1753. I 1776 gjev Hans Person Trøym skøyte til Sjugurd Nilsson på plassen Skøyten for 180 rdl. Han skulde svara 2 mark i skatt og 1 mark i tiend til garden Kjøsteslie.

Sjugurd Nilsson vart g m Birgit Knutsdtr Lien. Dei kom frå Øndredal og reiste dit att. Sistpå budde dei i Venåse, venteleg nordre Venåsbakko. Ovannemnde Tomas Knutson vart bonde i Skøyte g m Ågot Knutsdtr. Det var skifte etter båe i 1805. Garden vart taksert til 300 rdl og innbuet til 64 dalar. Dei hadde: Margit 1781, Ragnhild 1787-1885-98 g 1816 m Ola Sjugurdson nordre Venås bakka, Sigrid 1789 g 1809 m Endre Ingvarson øygarde. Margit fekk garden som odelsgjente g 1803 m Eirik Mekkelson Fausko: Birgit 1804, Tomas 1814. Så kjem åt Skøyte Mekkel Herbrandson Venåseigo f 1774 g 1806 m Kristi Olsdtr Kyrkjebøn 1787-1873-86: Ragnhild 1807 g m Torstein Dalo i Eikre, Ambjørg g 1843 m Pål Venåsbakko, Birgit 1811, Birgit 1814-33-19, Odd 1816-17-1, Odd 1818 d *ung*, Odd 1820 bonde i Skøyte, Margit 1823-37-14 drukna, Guri 1826-96-70 g 1857 m Arnulv Janson Vøllo rtA, Ingebjørg 1829. - Kristi vart g 2) 1835 m krigsveteran Sjugurd Sjugurdson Venåsbakka 1791-1878-87. Dei budde ei tid i Skøyte, sea i Grøvgarde, Palhuso og Fløgo. Dei var barnlause. Sjugurd var i si tid sterkaste karen i Hemsedal. - Det gikk ei klopp over Mørkedøla nær ved der Lauvdøla kjem ned. Ho var nedlagd lenge, men vart bygd upp att kring 1886. Det gikk ein stig frå denne kloppa over Måfåhaugen og vidare upp gjenom Lio forbi Primspretta og over Geiteryggen til Hælsastølo. Eingong elvane fløynde upp, vilde Sjugurd ta inn kloppa. Den 14-årige Margit skulde vera med og hjelpe til. Men ho glei ut i elva og drukna. Sjugurd hadde vel noko skuld i denne ulykka, han tenkte seg ikkje om som han skulde ha gjort. Han hadde eit liv på samvetet før og. Det var han som stakk ho Birgit Grøndale i armen, så ho blødde seg hel. Han var uvøren og grov både i sinn og skinn. Etter drapet på Birgit kom han under påtale. Det var forhør på Kyrkjebøn. Han førdest dit fengsla av lensmann Sjugurd Grøto. Men med det sama han skulde gå inn på Kyrkjebøn, tok han spranget. Dette var om våren. Sommaren over heldt han seg løynd i Hælsaheaugo. Om natta kom han inn i bua til Kristi. Men då hausten kom, vende han heim att og gav seg over til styremaktene. (Sjå elles «Hemsedal» s. 153/163.) Odd overtok garden g 1850 m Ragnid Sjugurdsdtr Nyhus f 1817. Dei fløtte i 1851 til Kvarve på Nes. Etter dei kom Pål Jørgenson Venåsbakka 1797-1886-89 g 1843 m Ambjørg Mekkelstr Skøyte f 1809. Dei var barnlause. Pål var ein løgleg skruve, truleg den største raringen som Hemsedal har fostra. Han tente ei tid hjå Trond Tuv. Trond brukte om sommaren å koke supand til nons og kokte då så mykje at han hadde til kvelds med. Ein dag ved non sa ein av slåttekarane til Pål: «Vil du no eta upp kvelds-supanden, så ska du sleppe å arbeide i kveldsøykten!» Ja Pål så gjorde, greidde å få det heile i seg. Etter den dag kalla dei han *Supand-Pål*. - Semlen hadde mykje å fortelja om Supand-Pål: «Han va så snodig at ein måtte lægji, berre ein såg'n. E minist han gikk vagga i knebrok, si-trøye o køll-luve. Sjøl va'n ein stutt plugg o gikk o jafsa på ei svær tobakkstugge, så svarte tobakk-slevutn ronno nedover i båe kjaftviko. Hælvlangt hår heng nedover ved neunde luvun. Han tok te å svalle lengji før'n møtte ein o stamma svært på somme ord. Kom'n inn på ei stelle, va're øfto han svalla ei stund før'n helste. Han sag ut som ein einføldig stakkar, men va ful nøkk. Han dreiv gardsbruket i Skøyte, o så va'n lite handelskar attved. Reiste utover med fe o smør o ruskevaru (ost o prim o fisk). Difor va'n jamt te byn. Ikring 1865 fløtte 'n te Kvarve i Rukkedale. Der dø'n i september 1886. - Eigong han Pål rugga utpå bygda, kom han inn på ein gard der kjæringji nettupp hadde «fremman». Mea kjæringji på garde sag ut ette fremmankjæringen, sette' n Pål se burtåt borde o gjorde se te goe tå all dei goe mate, som sto att der. Då kjæringji kom inn att o sag'n Pål sat ved bordet o et, vart ho heilende førundrig, kan ein veta. «Nei, no ha e vøre her i over kjue år, men slikt ha e no alder sett,» sa ho. «Å, så lengji du kjæring som kjue år du kjæring, ja, ja, jabbe va det lengji med, du kjæring,» svara han Pål og sat o gurma o et like gødt han, ten va vel mett. - Ei gøng kom han te ein gard i Krøssherad. Mann der va skuldig 'o før ei kyr, men hadde det kji så han kunna bittala då. Så tenkte'n Pål at'n i det minste kunna få kosten der ein dag enn två. Nå mann va på låva treskte, så sto'n Pål i dørn o dreiv prata med manne. Når då kjæringji rofte mann inn te måls, så svara han Pål: «Ja, ja, du ska ha takk, kjæring!» o så fødde han med inn o sette se jamsides manne ved bordet. Det gikk eit par daga. Då kom kjæringji på at ho vilde sjå ni nisteskreppa hass Pål. Der låg det ei feit kjøtsie. Så tok kjæringji o skar tå kjøtsiun så mykjy at det skulde vera nøkk åt alle på garde. Pål fødde manne te bords som han kunna ved. Då han då takka før mate, så sa ho det, kjæringji, at no får du takke de sjøl. Pål stirde åt skreppun sine o såg at kjøtsia va skamfert. Men då vart'n ikkjji gamal der. - Ein sommar i melønn kom'n Pål med ei fedrift or Valdres. På ein valdresstøl kom ei sinna kjæring o vilde jaga drefte hass or beito. Han Pål tok det med ro, let kjæringji jaga o jaga, men sa ikkjji eit ord. Så tok han te å kle tå se, kasta det eine plagget ette di are o sprang ette kjæringen. Ho vart redd o tok hyven burtpå stol sin att. Så fekk drefte hass Pål beite i fre o ro. - Eingong fysst på somrnare kom han Pål att, hadde vøre uttafør. Han hadde med se ein børkut hest, o den slepte'n inn i eit træ e på Trøym. Så la'n se te å søva. Det va endå ei lurdagsnått, o mange nattetangara rangla ute ette vegji. Noko tå' rei toko hesten hass o leidde'n burtåt bastugun og sota' n rammende svart o leto'n gå ette vegakante. Han Pål søv te langt utpå morgan, men då' n vakna, va hesten hass burte or træe. Han Pål te å skure og leite både nordte og søte. Men ingjin børkut hest va å sjå. Det gikk nøkk ein hest uppi Kyrkjybønshaga, men han va svart. Det tok te åfara kyrkjyfölk ette vegji, o han sporde dei. Men nei, ingjin hadde sett nokon børkut hest. Då va det likesom noko sa'n Pål at han fekk skoa vel på den svarte hesten. Han så gjorde. O den svarte hesten likna heste hass Pål i alt,

Så nær som i lete. Så skjønte'n koss det heng i hop. Den hesten selde han utpå bygda. Der slakta dei han te slutt o laga te kurv tå o. Då han Pål kom heim att, fortalde han om dette o sa: «Ja, ja, jabbe nytta dei borkjinn godt dei, du kar, du kar. Fysst slito dei'n ut o sea slito dei'n i seg, du kar, du kar!» - Han Påla kjæringji voro svært usamde. Det va kji anna vente helde. Han Pål va ein raring, o ho Ambjør va tå di slagji at ho va stri o sinna o vilde ha brokji sjøl. Eigøng va'o Ambjør reist te kremmare på Fausko o vilde handle noko småtri. Ho va ei fæld veftesneide te å svalle. Trefte ho ei svøllug kjæring, so vart det ei heil veftemesse. Det lei o det skrei utigjønøm kveldeseto, o ingjin Ambjør kom att. Krytyre stondo der tuta o rautte o inkji fongo stråe i se. O'n Pål sat der aleine. So råkete'n Knut søre Lin te koma der. «Ho, ho bli so lengji burte no denne flidda, men ho kjem vel att, ho *pla* no kji drepa se,» sa' n Pål.» Desse og mange andre «histørju» går det om han Supand-Pål. Då Pål drog til Nes, vart garden kjøpt av Ola Embrikson Reiarsetten 1826-90-64 g 1864 m Margit Persdtr Høllebakka 1841-1932: Embrik 1865 bonde i Skøyte og søre Lien (sjå der), Per 1867 rta og vart der g m ei frå Hol, var heim att ein tur i byrjinga av 1920-åra (la merke til at han prata hemsedalsmålet med eit anna og eldre tonefall enn det som var vanleg i min oppvekst - OR), Guri 1873 g m Knut Olson Snikkerbrøta d.y. i Gol, Hans 1876 bonde i søre Søre Lien (sjå der), Ola 1880 bonde på Tørkjellhaugji (sjå der). Ola frå Reiarsetten var ein treneve når det galdt praktiske ting, det hender iblant at somme er det. Ho gamma tente der ein sommar, men då laut *ho* slipe, og *han* drog. Kom det då nokon forbi, sa dei gjerne: «*Jaso*, sita *karatn* o slipe!» - Etter at dette var skrivi, har eg fått nokre fleire opplysningar om han *Per Skøyte*, som over i Amerika skreiv seg *Peder Skjoiten*. Han var fødd 13. desember 1866 (men altso ikkje til dåpen før i 1867, difor har kyrkjeboka dette årstalet), vart g 1891 m *Agot Dahl Haugen* 1866-1954, dtr til Svein og Kari Haugen i Hol, og utvandra til Amerika 1893. Dei slo seg ned i Northwood, N. Dakota. Ågot og Per, som døydde i 1933, hadde seks born: *Olaf* f i Noreg 1892, g 1918 m *Julio Lien* d 1947, tre born, *Clara* 1894 g 1916 m Albert Onsager d 1961, två born, *Marie* 1898 g m *John Pawlukajtis* 1882-1960, ein son, *Gustav* 1900 g 1923 m Myrtie Bjertnes, fire born, *Selma* 1902 g 1927 m Ludvik Grønås frå Bergen som kom til Usa 1916, d 1957, ein son, *Emma* 1904 g 1928 m Raymond McKardle f 1905, två born. Dei fleste av borna og borneborna busette seg i Northwood og andre stader i N. Dakota, og mange har vore farmarar. Etter opplysningar frå Myrtle og Gustav Skjoiten. (OR). Då Embrik kjøpte Lie, selde han Skøyten til fehandlar Jon Olson Snikkerbrøta 1864-1937 g 1) m Birgit Knutsdtr Venås e 1867-1903-36. Ho døydde i barnseng. Dei hadde: Guri 1892 g m enkjemann Ola Torson Venåse, Ola 1895 d, Anne 1897, Oline 1900. - *Jon* vart g 2) 1907 m Birgit Ivarsdtr Øndredal 1877: Birgit 1908 g 1936 m Ola T. Langehaugen frå Gol. Det gikk mange hermer etter Jon. Han sat eingong i uppistugun i Venåse. sat og sag ut i glaset og vart vare at ho Sigrid Bakka kom gåande nordover. Då sa han: «Det kan vel kjl bli gift helde, noko slikt!» Ikkje lenge etter ryktast det at Sigrid og Nils Olson Venåse skulde gifte seg. Olaf Huso hadde eingong kjøpt seg ein stor og grov gamp. Då Jon fær sjå denne hesten, seier han: «Jeg mener at slike hester er for store på sånne små bruk.» Jon hadde fare vide som handelskar og brukte ofte å slå over og prate «fint». Ei annan herme etter han lydte slik - då prata han hemsedøl: «Å, ein skulde våge se lite meir!» Han hadde spelt om pengar ei heil nått og vunne 2 øre då han talde etter. - Då dottera gifta seg i 1936, fløtte Jon og Birgit sy Øyne (sjå under Øndredal). I 1941 selde Birgit og Ola Skøyten til fru Elsa Blehr frå Oslo og tok att Øndredal 75-1 på odel. Elsa Blehr hadde eigedomen til ho fall burt i 1971. Det syntte seg då at ho hadde testamentert garden til Guunvald Handeland, Oslo.

Presthaugen

Gnr 89, bnr 5, lnr 677 a.
i *Presthaugji. Nedlagt bruk.*

Per Ørjansson og Kari Sjugurdsdtr nemnde under Løvehaugji - budde her. Dei kalla han Per «Presten» eller «Per med kule», fordi han hadde ein stor kul i edne. Så kom Hans Janson der 1789-1847-58, son til Jon Jørgenson Venåse (foreldre: Jørgen Jørgenson og Gunvor Jonsdtr) og gjente Sigrid Hansdtr Viljugrein f 1751 (foreldre: Hans Nilsson og Ingerid Torleivsdtr Viljugrein). Han vart g 1816 m Kari Jehansdtr, som venteleg var utanbygds ifrå, ho døydde i 1864, 69 år gamal: Kari 1817-76-59 g 1842 m Ingvar Gamlehaugji, Jebans 1821-98-77 bonde i Presthaugji og Skøltedøkken, Sigrid 1823-84-61 g 1852 m Jon Olson Tubbun, Jon 1826-94-68 bonde i Billebrøta i Gol, Mari budde i Drammen og døydde der, over 90 år gamal, Per 1833 budde på Ringerike, Ingedd 1840 budde og døydde i Drammen, Gunvor 1845-49-4. - *Jon* vart g 1852 m *Guro* Olsdtr Billebrøta, som var odelsgjente, d 1867. Dei fekk två born: *Kari*, som hadde Billebrøten etter at faren fall frå, men døydde ugift som medalders kvinne, og *Hans*, som då selde Billebrøten og bygde seg ei lauskarstugu. Jon var ein stillvoren, smålåten gut. «Jeg har et enkelt minne om Kari Presthaugji. Hun var på Flaten og spurte far min om hun kunde få holde til der om vinteren. Det var en dag i oktober. Far sa nei. Jeg synes ennu jeg kan se Kari stå ute på dørhellen, like freidig og ved godt mot, om hun fikk nei, og sa: «Det heng ikkje alle lykka på eitt belte!» Hun fikk holde til i Skøyte. Men allerede 29de november blev hun kalt til

den heim, hvor hun får være i evigheters evighet» (HF). Jehans fekk Presthaugen g 1853 m Inga Anfindstr Sletthaug 1822-1900-78: Gunvor ca 1853-1915-62 g 1880 m Ola Torleivson Brøta i Grønlio i Gol, dei busette seg på Nes (i Hemsedal hadde dei: *Torleiv* 1879), Birgit 1855 tente og døydde uttafor, Kari 1857 vart g på Modum, Sigrid 1859 g m Peder Briskesletten i Lier, Hans 1861-73-12 døydde i tyfus, Anfin 1863 bonde i Skøltedøkken, Jon 1866 rtA. - Jehans selde garden i 1881 til *Ola Løvehaugji* og kjøpte att Skøltedøkkji (sjå der). Ola hadde før kjøpt ein parsell dei kalla Presthaugmyre, og dreiv det heile som øydebruk.

Gamlehaugen

Nedlagt bygselbruk under søre Lien. i Gamlehaugji.

Der budde Ingvar Sjugurdson 1809-78-69 son av gjente Anne Ingvarsdr Hulbak og Sjugurd Bjørnson Gulsvik. Ingvar vart g 1847 m Kari Hansdr Presthaugji 1817-76-59. Ingvar var mykje burte og saga bord med handsag. Om nokre år fløtte han åt søre Venåsbakka og onna denne garden som husmann for Knut Bjøbergo. Det er fortalt at då han Ingvar onna i ei foring (Bjødnaskørre i Røgga) siste sommaren han levde, sat det ein rev eit stykke undå og einskreik. Eit feigdarteikn, trudde folk. Borna til Ingvar og Kari: Sjugurd 1838 vart gift i Valdres og budde der, Anne 1843-1911-68 g m Ola Storemarken, Haugo ved Trøym, Hans 1845 bonde på Reiarsetletten, Kari 1848 g 1882 m Botolv Håkonsgard, bonde på Knaldre i Gol, Ingvar 1851 bonde i Prestgardhusa, Birgit 1855 g m ein på Skreddargarde i Gol, Mari 1859-95-36 g fyrst m kyrkjesongar Todøkk og så m Sjugurd Stunde, Henrik 1865 bonde i Skarshaugo (sjå der).

Eikro

Gnr 69, bnr 2, lnr 626 c. På Eikro. Nedlagt bruk.

Mellom nørde og søre Lien låg det ein strimmel frå nedst til øvst som hørde nørde Kyrkjebøn til. Han var delt ved eit tverrdele etter den gamle kløvjavegen. Stykket ovafor kalla dei Eikro, og stykket nedafor Flate. Midt på øvre luten på ein liten såte (pall), hadde Kyrkjebøn ein støl: Eilevstølen, sea kalla Eilevvøln. I 1812 selde Ola Larsson Kyrkjebøn halvparten av Eilevstølen til Svein Eirikson Kyrkjebøn for 180 rdl, skyldsett til ein kvart løbel. Den andre halvparten åtte Svein frå før etter skøyte av 1804. Heile stølen eller slåtta av skyld 1 løbel selde Svein til Trond Eirikson Haug 1778-1844-66 for 400 dalar. Trond vart g m Barbo Knutsdr, som døydde i 1887, oppgjeven alder 90 år. Trond dreiv attåt som smed. Tomta synte endå i 1870åra. Trond og Barbo fløtte seinare åt pytte, eit bruk vestafor Øndredal. Der døydde Trond. Barbo døydde hjå Margit Sletto, dotter si. Born: Liv 1828-46-18 ugift, døydde i barnseng i Pytte, Margit 1832 g 1865 m ein Ola Monsson frå Hadeland, Guro 1835 g 1865 m Knut Arneson Finnset, dei rtA, Eirik 1838-39-1, Margit 1841 g 1880 m Ola Henrikson Sletto. Då Trond og Barbo fløtte åt Pytte, selde dei Eikro til Knut Ivarson Hustad f 1813 g 1838 m Gunhild Olsdr Kariset f 1816. I 1846 reiste dei til Amerika og selde då Eikro til Ola B. Lien, som var g m morsyster til Knut. Knut skulde ikkje ha fått ho Gunhild. Mor hennar sa til han: «Du kan vel ikkje gjera ein velgjord bløyg, du kan vel ikkje eingøng treskji» Knut svara: «Jau, e kan treskji, men e kan ikkje gjera tå» (gjera tå på låva: kaste kornet, so ein får skilt åt agner, «lette», vanlig korn og «stritt» korn). Born: Ingerid 1838, Ivar 1839, Ola 1841, Per 1843, Jon 1846. - I eit brev Knut sende heim, fortalde han om amerikareisa og korleis dei slo seg ned derover: «Den 10de Mai reiste vi fra Drammen på Skibet «Fortuna» med Kaptein Neumann. Ankrede i Haver (Havre) i Frankrige 21de samme Måned og lå i Haver for at vente på Fragt, ti den var os så overmåde dyr at vi ikke kunde modtage samme for den 26de juni. Så reiste vi fra Haver og tog ud på det store Hav, som er omtrent 800 norske Mil, og kom til New York 11te August. Den 13de samme Måned reiste vi fra New York på et Dampfartøi til Troy og derifra den 14de s. M. på en Kanalbåt, som blev trukket av to Hester, og kom til en By som heter Buffalo den 22de s. M. og der traf vi mange norske, først Halvor Hertsgård, Levor Myli, Torstein Ere m.fl. Den 28de reiste vi fra Milwaukee til Michigan hvor Torstein Ere er boende. Fra Torstein reiste vi den 31te s. M. og kom til Tore Pedersen Bergo den 3die September, hvor vi endnu opholder os. Jeg kan fortælle eder, gode Venner, at vor elskelige Søn Jon forlod Verden og afgik ved Døden i Frankrige den 11te Juni og blev begravet 13de s. M. efter en Sygdom av 8 Dage, og vor Søn Ole døde av Krægda efter at vi var komne her til Tore Bergo den 21de September. Jeg har kjøpt to Kjør og den ene med Kalv, og til disse to Kjør slog jeg vinterfor på 4 Dage, og enda arbeidet jeg ganske sagte. Her koster det ikke stort at føde Kreaturer. Folk har sagt mig at man kan avle Smør af en Ko på en Sommer fra 10 til 12 Bismerpund. Priser på Madvarer her: 1 Skålpund Smør 4-8 Skilling, Flesk 2-4, 1 Tønde Hvete av bedste Sort 2 Dollar, Rug 1 til halvanden Dollar. Norsk Bygg og indiansk Korn 6-8 engelske Skilling, og en Skilling er 12 1/2 norsk. Daglønnen er høi, så den Mand som vil arbeide her, behøver hverken at fryse eller sulte, om han har nokså stor Familie. Her findes ingen Betler, men de har nok at leve af. Man behøver ikke at gå hos Bonden for 8-12 Skilling Dagen som mange i Norge. En duelig

Mandsperson kan på et år tjene så meget at han kan kjøpe sig 80 eller 100 Eker (acres) Land. En Eker er lidt over 4 mål. Når man har 200 Dollars, kan man kjøpe sig 100 Eker Land, og når man arbeider på den et år med sit eget Arbeide, vilde jeg ikke bytte med en Gård i Norge, som det er givet 2000 Speciedaler for. Her er en god Præst ved Navn Clausen (truleg den danskfødde C. L. Clausen 1820-92 som var med og stifta Den evangeliske norsk lutherske Kirke i Amerika og seinare Den norske Synode), og i Sommer skal her bygges Kirke. Her er gode Skolehus og Skoler både norske og engelske. Folk som agter at reise hid, vil jeg råde til at de veksler sine Penge i Drammen i amerikansk Guldmynt eller i norske Sølv-speciedaler. De norske Sølvpenge kan de gjerne medtage lige her op i Landet. Og de kan medtage en god Vævske af Stål. Og Rok og Karder, dersom du min kjære Svoger Bjørn Bjørnsen Viljugreinshaugen kommer efter os. Hver Ungkar som vil hid, bør i Norge forsyne sig med en god Kone. Thi når de norske Jenter har været her en tid, så blir de meget kjække og måske lit storagtige. Helsing til alle kjendte, særlig til Forældre og Søkende.» Brevet er datert 23-2-1847.

Søre Lien

Gnr 89, bnr 4, inr 676.

i søre Lin. Skriveform: Lien.

I manntalet 1664-66 er det oppført ein *Knud* Knudsen Lien, og garden vart rekna som halv øydegard. Lie og Skøyten hadde heimstolar i Hølo i Heimdale, der sat dei om våren. Lie hadde stølen sin norda Hølubekken, Skøyten sunna. Sea vart Purkestadhaugo eigar av nordre stølen, og den andre vart støl åt Venåsbakko. Eivind Tomasson Lien, som er omtala under Medlien, vart g 1732 m Magelin Embriksdtr, dotter til Embrik og Guro Brandvøl, f 1709. Dei hadde: Sjugurd 1733 d ung, Tomas 1734 bonde i Lien, Sigrid 1736, Sjugurd 1741, Embrik 1745, Guro 1750 d. Tomas vart bonde i Lien g 1) ca 1760 m Ingerid Torleivsdtr (Løkji f 1736) d 1773: Eivind 1761-1825-64 døydde på eit Tuvsbruk, Kari 1764-1847-83 g 1793 m Torleiv Asleson Imre, Magelin 1767, Liv 1770 d ung, Torleiv ca 1771. - På denne tid har Ola Bjørnson Støle nordre Viljugrein. Han og Tomas byter gardar, so Tomas får Viljugrein. Der døydde Ingerid, og det var skifte etter henne mekkelsmessdagen 1773. Tomas vart g 2) 1774 m Dis Knutsdtr Lien, syskinbarnet sitt. Dei hadde: Ingerid 1775, Jartrud 1776, Knut 1778. So er desse nemnde i Lien: Henrik og Birgit Lien g 1785. Hadde ei dotter: Birgit 1785. Deretter Ola Eirikson Haug og Birgit Olsdtr (sjå Hulbak). So kom Knut Eirikson Haug 1759-1840-91 g 1793 m Barbo Knutsdtr Tuv 1769-1858-89: Guro 1794-1825-31 g 1823 m Mekkel Grøndale, Eirik 1796-1801-5, Anne 1800-82-82 g 1823 m Embrik Olson Torset, Guri 1801, Sigrid 1803, Sigrid 1806-10-4, Gunvor 1808-82-74 g 1836 m Ola Knutson Støle, Eirik 1815-41-26 bonde i Lien. I nedre Venåse var Eirik med i lagji åt Hans Reiersletten og Barbo Venåse. Der ramla han utover låvebrune og slo seg slik at han døydde av det ei tid etterpå. Guro og Anne vart gifte sama dagen, 15. juni 1823. Far deira var skjenkjarmann, og brennevinet var heimebrent. Når han skjenkte, so sa han: «Ein liten drøpe æ god, men tek 'n mykjy, har 'n kji gødt thi!» Eirik overtok garden g 1839 m Birgit Hustad 1820-1911-91. Dei hadde: Knut 1839-50-11, Ivar 1841-1907-66 bonde på Øndredal. - Birgit vart g 2) 1843 m Sjugurd Olson Øndredal 1822-89-67. Dei var i Lien i mange år, men makaskifta so gardar med Eivind Torleivson Purkestad (sjå der). Guro, dotter til Eivind, g 1858 m Knut Embrikson Torset, budde i Lien til dei 1867 fløtte til Torset (61-1). Då vart Lie kjøpt av Svein og Kari Løveaugji (sjå der). Hans, son deira, g 1884 m Kari Rasmusdtr Eikre d.e. f 1865 hadde garden til dei i 1901 kjøpte Kjøsterud på Åssida ved Drammen. Då var Svein død, men Kari vart med dei og døydde på Kjøsterud 1918. Borna til Hans og Kari: Kari 1885, Svein 1888-1918-30 døydde i spanskesjuken, Rasmus 1891-1904-13 drukna, Per 1894 døydde som vaksen i ung alder, Lars 1896-98-2 omkom ved ei ulykkehending, Lars 1899, Ragnar (ukjent fødselsår). Lars og dei eldre syskina hans leikte seg i ei kjerre, og før dei visste ordet av det, rulla ho utover bakkane. Lars sat i kjerra. Han skamslo seg so han døydde nokre dagar etterpå. Rasmus var ute på skeiser, det bar gjennom isen med han, og han drukna. Det vart soleis store sorger som råka denne huslyden. Då Hans og Kari reiste frå Hemsedal, selde dei Lie til Embrik og Hans Skøyte (sjå der). Dei delte garden mellom seg. Embrik fekk den nordre og Hans den søre luten. Embrik 1865-1963 vart g 1892 m Barbo Olsdtr Torsetjordet 1859-1929. Han vart ein gamal mann, 98 år, og var i hug og hått og utsjånad - han gikk med frodig fullskjegg heile sitt liv - ein ekta ættling av dei gamle, trauste hemsedalsbøndene. Ingen ting gikk på slomp, og tida vart ikkje kasta burt på unyttige ting. samen med «Gamle-Flate» tinga han alt i 1900 «Buskeruds Blad», som har vore fast gjest der i garden like til no. Kjøpte separator i 1912 (han skulde ha kosta 60 kroner, men fekk han akkedert ned til 58) og markeplog i 1914 (samen med nokre andre). Embrik og Hans Løvehaugji var rekna som dei flinkaste til å skara never, og smiutaket i Lien var drøppfritt i 40 år. Borna til Embrik og Barbo: Margit 1893-1970 g 1919 m Nils Eirikson Finnset, Ola 1896 bonde i Lien, Guri 1899-1924-25 døydde uttafør, men vart gravlagd i Hemsedal, Olav 1900 d. Ola overtok garden 1925 g sama året m Ingebjørg E. Torset. Ola var som far sin flink til å skava never og til å vøle om husa både heime og på stølen, og han la ned eit stort arbeid på jordvegen. Braut og vende heile jordet og køyrde burt all

steinen. Ein vinter sto ikkje hesten meir enn tre dagar (medan Ola var på styremøter) omframt sundagane. «Men so vart det 3000 lass stein den væten.» seier Ola. Etter utskifting fløtte han gardstunet ned mot riksvegen i 1924. Ola var mykje med i bygdestyringa, tre periodar i heradsstyret, med i skulestyret, fattigstyret og bankstyret m.m. Ingebjørg er spebygd og liten, men maken til kvekt og onnugt menneske skal ein leite lenge etter. Ho går ikkje, men spring i arbeidet og har eit humør utanom det vanlege, dertil benkasam og bli mot alle. Born: Engebret 1927 bonde i Lien, Emil 1929 byggmeister g 1972 m Sigrid Flaget, dei har bygt seg hus (68-30) på Skogajordet (har eitt barn), Barbro 1938 g 1959 m Knut J. Trøym (sjå der). Engebret overtok garden i 1959 g sama året m Ingrid Kirkebøen. Dei har: Ola 1961, Ivar 1964, Magne 1968. Garden har langstøl på søre Hælsø og heimstøl på nørde Hælsø og på Moo vesta åne.

Søre Søre Lien

Gnr 89, bnr 10.

i søre Sørelin. Skriv seg: Lien.

Embrig og Hans delte søre Lie, og Hans fekk synste luten. Hans 1876-1959 vart g 1) 1901 m Guro Trondsdr Jordheim 1869-1915-46. Dei var barnlause. So vart Hans g 2) 1922 m Ingebjørg Knutsdr Torset 1881-1937. Dei fekk dottera: Guro 1923. Ingebjørg var mykje med i det kristelege arbeidet, m.a. formann for Lio kvinneforeining i 16 år. Hans var ein slitar, men gikta braut han hardt ned. Den siste tida han levde, laut han støa seg på två stavar når han skulde gå. Likevel var han ute og hjelpde til i slåttan. Stoa seg då på orvet med han slo. Og ved sagakrakken og hoggestabben om vinteren. På grunn av at han vart so ufør, laut han leige mykje hjelp. Guro tok over då far hennar fall burt og driv garden framleis. *Ola K. Torset* 1873, bror til Ingebjørg, rtA og kjøpte seg farm der. Var heim att ein tur i 1914. I 1932 slo han seg til i Lien, og farmen avhenda han i 1946. Budde so i Lien til sin død i 1968.

Liheim

Gnr 89, bnr 4. i Liheim. Nyare bustad.

Det var Ola Liheim som bygde åt seg ber i 1923. Han var son til Knut Snikkerbrøta d.y., død som bonde i Purkestadhaugo 1905, g m Guri Olsdr Skøyte f 1873, Store-Guri dei kalla (sjå 76-6). Borna deira var: Ola 1896, Guri 1898 g m Olaf Kven (sjå der), Margit 1900 g 1925 m Ola J. Døkk, Oline 1902 gift til Vestby. Guri vart att aleine med fire mindreårige born og fløtte or Haugo om ein 2-3 år. Borna laut tidleg ut i arbeidslivet. Guri sjøl, stor og ferm som ho var, tok seg tenest, utfafør om vinteren der ho kunna ha upp til 25 mjølkekyr (som i den tid måtte handmjølkast), og som onnegjente heime i Hemsedal om sommaren. Ho var mykje på Bjødnberstøle og i Lien. Ho fekk diplom for fint fjøsstell. Då Ola bygde åt seg i Liheim, fekk ho ein uneleg heim der og stelte for Ola til ho døydde i 1960, 87 år gamal. Ola, som skriv seg Liheim, kan fortelja at han alt som ti-åring kom som tenestgut til Asle Purkestad. Han fekk seg orv og ljå og laut «gå i skørun» som dei andre karatn. Elles tente han som heilårskar og som sommarskar både i Bakko, på Støle og Tuv og i Venåse. (Hadde 200 kroner for året det fyrste og sea 300 kroner.) Fekk i 1928 postruta frå Tuv til Lio, tre dagar i veka for 25 kroner månaden. postruta hadde han til 1961. - Kjøpte i 1934 10 mål myr av Ola T. Tuv og arbeidde upp dette. (Dei hermer etter Guri då tyskarane kom i 1941: «No koma tyskaratn o ta myre hass Ola.») Han hadde ogso kjøpt eit træe på Venåsstøle og ein skog på Hælsø, men det vart teke att på odel. Ola er no pensjonist, men enno rødig og ved god helse.

Andre huslydar i Lien:

1. Lars Lien har son: Tomas 1730.
2. Torleiv Knutson Lien 1733-1805-72 g m Jartrud Torleivsdtr (han var son til Knut Knutson og Ågot Tomasdr, dei hadde berre det eine barnet, bustad ukjend). Torleiv og Jartrud hadde: Torleiv 1757, Halvor 1763 d før 1805, Ågot 1764-91-27 døydde i Lien, hadde ei dotter med Jehans Støle: *Jartrud* 1788.
3. Ola Aslakson Lien (frå Ullsåk f 1734) g m Sigrid Tomasdr (Viljugrein f 1727): Inga 1759. 4. Ola Person Lien frå Trøym 1734-1811-77 g 1770 m Ingebjørg Olsdr Kyrkjebøn f 1743: Kari 1770-71-1, Per 1772, Ola 1775, Barbo 1785, Barbo 1787. 5. Mons Olson Støle f 1755 g 1780 m Sygni Steingrimsdr Finnset 1761-1832-71. Dei budde i Lien fyrst og so på Hustad. Sygni døydde hjå bror sin, Nils Grøndalshaugji. Mons og Sygni hadde: Ola 1781, Margit 1783 g 1806 m Torleiv Grøndals-eigo og andre gongen med Nils Heggjstad, Kari 1786, Kari 1790 g 1812 m Hans Monsson Haugji ved Trøym, Anne 1793, Steingrim 1796, Anne 1797, Anne 1799.

Andre døde i Lio-grenden: Knut Mekkelson Lien 1726. Per nørde Lien 1750. Eirik Tomasson Lien 1733. Mekkel Kristenson Lien 1734, 43 år. Hans Olson Lien 1750. Knut Nilsson Lien 1771. Helgæ Knutsdr Liplasse 1810, 7 år. Kone Margit Torleivsdtr Eikro 1825, 79 år. Kone Kari Knutsdr Øndredal 1725

Flate

Gnr 69, bnr 8, Inr 628.

På Flaten. Skriveform: Flaten.

Torleiv Hansson Viljugrein 1757-1831-74 kjøpte dette bruket som slåtte av Kyrkjebøn og fekk skøyte på det 21-2-1793. (I skøytet er namnet feilskrivi.) «Bestefar fortalte at Torleiv brøt op stein og rev brisk der hvor han tuftet husene» (HF). Torleiv vart g 1788 m Kristi Torsdtr Høgehaugji, d 1836, oppgjeven alder 80 år. Dei hadde: Guri 1789-1805-16, Hans 1792-1864-72 bonde på Flaten, Ingerid 1796 d, Tor 1798 bonde på Gatestua på Modum, Ingerid 1801-53-52 g m Helge Berg, døydde på Flaten, Nils 1806-84-78 tilhaldar på Flaten, g 1847 m Margit Trondsdr Træe 1815-47-32, dei budde i ei stugu på Flaten, der Nils var til han døydde, Margit døydde i fyrste barnseng, låg sjuk i 11 veker etter at ho hadde fått ein gut: *Torleiv* 1847. Torleiv vart oppfostra hjå Lars og Anne Vente, i 1866 drog han til Amerika og vart der g m *Sigrid* Olsdtr Bakke 1845-1911-66. Nils hadde hest og dreiv noko med handel: var på Lærdalsøyri etter sild, til Drammen med smør, ost, skinn, kjøt og vilt. Vart mykje brukt som bedarmann og som skjenkjar og kjellarmann (ølmann) i lag og likferd. Då han vart sjuk, reiste han åt søre Lin, der låg han tilsens nokre dagar og døydde der den 15. mai 1884. Hans fekk garden i 1816 og vart g året etter m Barbo Olsdtr Intelhusbakko 1796-1869-73: Torleiv 1817 d, Torleiv 1819-91-72 ugift, tilhaldar på Flaten, Kristi 1823 g m Ola Ivarson Takrudeidet på Hadeland, Guri 1825-33-8, Ola 1828-91-63 bonde på Flaten og i Eikre, Guri 1831-33-2 (både ho og Guri, syster hennar, døydde i kveisun), Andres 1834-90-56 budde i Drammen og vart gift med ei frå Numedal som heitte Maria, Tor 1839-1922-83 bonde på Purkestad. - «Bestemor var av Høljisånlyen, og den lyen sutret ikke om det så broket ut. Hun kunde dog kløkkes ved småting. Hun hadde en gammel kvit ku, Mjølin. Den skulde slaktast en høst. En kveld nogen dager før, da bestemor stod ute på tunet, kom Mjølin bort til henne og slikket på skinntrøien hennes. Best Mjølin stod slikket, datt det tårer ned av øinene hennes. Som bestemor så dette, sa hun: Ho veit ho ska døy snart, ho! Så gikk hun fra kua og stod og gråt hun også. Torleiv var sykkelig fra ungdomen av. Man mente han hadde mistet helsa ved for strengt arbeide pålagt av faren. Familien sat i armod. Strengt arbeide og litet på bordet. Det var ikke å få kaffe og smør og rugkake med en bræsepanne og sukkerstrødd mat efter da. Der i gården fikk de nøie sig med litt bræste om morgenen. Bræste: tykk melk varmet så meget at ystillen (osten) og myso skiltes ad. En dag Torleiv fulgte far sin op i Veikjinfjell å dra mose derfra, kastet han op den vesle morgenmaten sin da de kom op i Kregderud. Der ligg bræsta mi der, sa han til far sin og drog videre. Gutten måtte nok følge til fjells. I sine ungdomsdagar arbeidet han en vinter hos Engebret Moe på Ringerike, far til Jørgen Moe. Jørgen var da student. Når han var heime i ferien, kom han ofte ut på kjøkkenet og spurte Torleiv etter historier og skildringer fra folkelivet oppe her. Ikke helt ugrunnet at Torleiv har fortalt ham om «Fanitullen». (Jørgen Moe har lagt Fanitull-søgne til Hemsedal, men det kan godt vera hendingar andre stader ifrå som har gjeve bakgrunnsstoffet til diktet. OR.) Torleiv var haugianer. Holdt nogen oppbyggelser. Var meget brukt som kjøkemester i likfærd. Mindre i brylluper. En haugianer kunde ikke godt trives i den tids bryllupsliv, hvor brennevinsdrikk spilte en så stor rolle. Torleiv døde i sin lauskarbu på Flaten 16de juli 1891. Blev syk om morgenen da solen spratt og døde i kveldsøykten. Han var alene da. Ola Løvehaug var inne hos ham litt før» (HF). Ola, bror til Torleiv, vart bonde på Flaten g 1858 m Margit Håkonsdtr Bergo 1826-1906-80: Hans 1858-1930 lærar, soge-skrivar og bonde. Ola var ein vanleg arbeidsmann, Margit lite grand meir. Knut Bjøbergo sa som gamal mann at Margit var den flinkaste tenestgjenta han hadde hatt. Og Nils Lykkjehaga som tente i lag med henne i Bjøbergo, sa: «Det va eitrande te flinke meniskji!» Træla hadde ho gjort frå ho var ein neve stor. Med ho var på Flaten gikk ho heim frå stølen mest kvar syknedag om sommaren, 7 km fram og 7 attende, og tok del i onne arbeidet. Ofte i følgje med Kristiana og sea ho Olaug Lauvset. Om natta gjorde ho stølsstellet. «De første år bar hun mig på ryggen de 7 km frem og tilbake. Om vinteren var hun som de andre fjellbygdkoner kokke, budeie, spunadkjerring m.m. Hun spant og vevet ullen på gården. Å, slikt godt vadmél skulde du bare sett! Spant også for andre, 8 skilling marken for varp, 6 skilling for vef. En vinter gjorde jeg meget tuller for henne. Fikk 3 skilling av spunalønnen hennes. Jeg blev vel glad! Lørdagskvelden og søndag leste hun bønnen og prekener og sang. Hennes kvelds-sang var: Se, aftenen kommer, og skyggen blir stor. Melodien har Catharinus Elling inntat i en samling religiøse folkemelodier» (HF). Hans, odelsgut og einaste barnet, kunna fått garden, men valde læreryrket i staden. (Det han skreiv om lærargjering sin, er teke med i artikkelen «Hans Flaten og livsgjering sin».) Vart g 1887 m Birgit Båste 1865-1940. Dei hadde den store sorg å miste *Olav*, eldste sonen sin, under spanske sjuke-farangen i 1918, berre 30 år gamal. Me tek her med minneordet far hans skreiv: «Vår søn Olav døde efter en ukes sykdom i spanskesyken 1918. På Øverby gård, Strøm, Drammen. Vort 1ste barn døde 1ste søndag i advent kl. 1. I sin første ungdom tok han livet lett

som ungdommer flest. Vinteren 1911-12 droges han sterkt mot det religiøse. I april kom gjen-nembruddet. Kampen var så svær, at det vilde helt forgå ham. Tænkte og søkte. Han var inne i den sjelekamp som i religionen kalles anfektning. Men den fred han søkte, fant han dog til slutt. Blev som barn i sinn. Han gikk bort så hastig, så uventet, derfor blev han os en Benoni, smertens barn. Det barn som døden har tatt, er det kjæreste. Veien var kort mellom vuggen og graven, nådde ikke engang halvten av støvets år. En av hans arbeidskamerater sa om ham: «Det var sørgelig at det skulde gå slik med ham, slik en kjekk, staut kar. Men det er ofte så at det er beste folket som går. Olav var en israelit som det ikke var svik i.» Seks av hans kamerater bad om lov til å bære kisten fra kapellet til Strømsgodsets kirkegård den 7de desember. De kom i uniform og med kvite hansker og bar kisten. Det var et vakkert syn for den store forsamling som var møtt fram. Olav fikk tidlig kjenne noget av verdens kulde, men han var saktmodig. Han seilte sitt korte livsløp i megen motvind, men klaget aldrig. Han viste os foreldre og sine søsken sin rike kjærlighet. I hvert brev han skreiv heim, takket han Gud for at han var så god mot ham og hans. Og dette hans milde sinn gjør det enda sårere å minnes ham. Takk, barn, for at du levde så at vi kan ha det trygge håp at du fikk fare til et bedre land! Med det håp kan vort øie smile gjennom tåresky, som har kvimlet for vort blick siden hin søndagskveld, da telefonen bragte os det bud at du var vandret bort.» I 1888 kjøpte lærar Hans Flaten *søre Eikre* i Eikregrenden (sjå der). Far og mor hans fløtte med og tok del i styre og stell. Flaten i Lio selde dei til handelskar *Ola Olson Huso* i Venåse 1848-1919-71. Stølen som Flaten hadde i Skoreskar-kverven, og som eingong var komen frå Purkestad, vart selt attende dit (til Tor Purkestad). Ola Venåse kjøpte nedre Liostølen, som hadde tilhøyrt fyrst Berg og so Bjøbergo. Ola vart g 1890 m Barbo Sveinsdtr Lien 1865-1921-56: Birgit 1891-1941 utdana sjukesyster, omkom utfar ved ei drukningsulykke, Kari 1893-1969 hjalp til heime i alle år, ho var eit bestemt menneske, men stakk seg aldri fram, Ola 1896-1970 bonde på Flaten. Ola overtok garden då faren døydde. Bygde nye innhus og uthus. Kjøpte Fuglehaugen (75-4) til vårstøl. Skriustølen var hauststøl. Som far sin hadde Ola hug til handel, og då Svein Wøllo kom der som tenestgut 1928, slapp han fri, so han kunna ta til med handelen. Det byrja med at han reiste åt grannebygdene og kjøpte opp slaktegeit, som han slakta om hausten (ein haust slakta han over 500 og selde kjøtet til pølsefabrikkane). Om vintrane farta han rundt og kjøpte opp skinn, og om vårane drog han til sognebygdene og kjøpte geit, kyr og hestar, som han so leigde burt utpå bygdene. Han vart vel kjend og var godt likt alle stader der han for. Dei herma etter ein valdres: «alle skulde handle med Flate, det va kji rå før are.» Ola var ein framsynt mann med stort pågangsmot. Var med i kommunestyret i fleire bolkar, medlem av styret for meieriet, Bygdaheimen, sparebanken, likningsnemnda, forliksrådet, domsmann og skjønsmann. Han vart g 1927 m Kari J. Wøllo f 1901, og fekk ei god medhjelp i henne. Det kom vel med når Ola vart so mykje burte. Born: Barbro 1931 utdana sjukesyster g 1958 m Hans Martin Hansen i Drammen, dei har eige hus der (born: *Anne-Kari* 1963, *Hildegunn* 1965, *Ole Martin* 1967), Berit Marie 1943, lærar g 1972 m lærar Sigurd Sørhøy frå Steinkjer, f 1943, Berit var lærar i Vats 1966-70 og so ved Ullsåk skule til 1974 (dei har ein son: Ola 1975). Ho tok over garden 1964. - *Svein J. Wøllo* f 1907 har vore gardsgut på Flaten i alle år. Ein sers pålitande og tru tenar som mykje har æra av at Flaten no er ein so fin og velstelt gard. Han kunna ikkje ha stelt han betre om han hadde vore hans eigen. Fekk i 1958 medaljen for lang og tru tenest.

Løvehaugen

Gnr 89, bnr 7, lnr 678.

i Løvehaugji. Skrivejorm: Løvehaug.

Ola Bjørnson Støle, som då åtte og budde i Lien, bygsla burt «en Plads i mit eget eiende Jorde, nordre Haugen kaldet» til Mekkel Jehansson Viljugrein i 1777. Mekkel vart g m Kari Sjugurdsdtr Hallbjørshus 1747-1822-75. Då Mekkel fall burt, vart ho g att 1789 m Per Ørjansson Ørjanshaugji 1745-1815-70. Det er fortalt at dei budde i Presthaugji seinare. Åt Løvehaugji kom so Ola Asleson 1768-1856-88, son til skulemeister Asle Olson Øndredal. Ola vart g 1795 m Margit Nilsdtr Sletten 1776-1862-86, dotter til Barbo Sletten frå Jordheim og Hans Nilsson Hølle. Born: Asle 1796 bonde i Venåse og i Breidøkk i Gol, Endre 1798 døydde tidleg, Margit 1802 g m Hallstein Lauvset og so med Torleiv Gudtormson, Barbo 1805-98-93 g m Hans Reiersletten og so med Ola Jordheim, Ingebjørg 1808 g 1843 m Torstein Øyn, dei rtA, Hans 1811-97-86 bonde i Purkestadhaga, Ingvar 1814-1901-87 bonde på Fausko, Kari 1817 g 1842 m Torleiv Hustad 79-2 (sjå der), Kari 1824 d. Denne huslyden fløtte åt nedre Venåse. Deretter budde i Løvehaugji Hans Sveinson Intelhusbakko 1797-1881-84 g 1822 m Anne Olsdtr Hulbak 1799-1888-89. Stille eg snille folk, ein roleg og god heim. Frå småe kår arbeidde dei seg fram til større velstand. Anne Løvehaugji og Anne Lien var grannekjeringar og omlag jamgamle. Vår og haust møttest dei ofte ved ein åker nord på Haugji norda Løvehaugen. Der kunna dei sita heile øyktene og prate. Men om sommaren var Anne Lien i Hestehaugo og Anne Løvehaugji på Hælsø. Fordi dei møttest so ofte ved denne haugen, vart han i spøk kalla for Kjæringhaugen. Sønene

Svein Løvehaugji og Bjørn Lien var og omtrent på sama alder og følgdest i leik og alvor upp gjennom barne og ungdomsåra. Dei fiska aure og bar upp i två tjern i Veikjinfjelle, der tok dei mangein stor fisk i åra som kom. Dei «gongo ette rupo» i lag og hadde mange snuru i Hælsahaugo. Uppe i Storenatte er det ein stad det heiter øksle. Der gikk dei ein linnversdag og vart tekne av ei snøskriu, men dei vart ikkje djupare nedgravne enn at dei kom seg upp att. Dei var so omtente at dei batt snarere sine til sides i julehelga, so rypene ikkje skulde lide døden då. Ola d.y., bror til Svein, og Tomas, bror til Bjørn, var likeeins på sama alder og kameratar som dei två eldre. Hans og Anne vart med åt søre Lien då sonen Svein med huslyd fløtte dit. Haugianske synsmåtar rådde i denne heimen. Borna til Hans og Anne: Svein 1823-98-75 bonde i Løvehaugji og i Lien, Ola 1826 d, Ola 1827 rtA og vart der g m Olaug Eivindsdtr søre Lien, Ola 1830, Anne 1832-33-1, Anne 1834-1924-90 g 1863 m Eivind Høvdæ, Ola 1838 bonde i Løvehaugji, Birgit 1843-1931 g 1880 m Ivar Olson Moslåttun frå Hol 1856-1935 (om barndomsheimen hans sjå Lars og Sigurd Reinton: Folk og fortid i Hol III s. 840). På morssida ætta Ivar frå ein innvandra skotte, Sander Sanderson, som ei tid var sorenskrivar i Hallingdal. Ivar kom til Hemsedal som tenestgut og slo seg her i lag med lesarane. Han vart vakt på ein underleg måte, blir det fortalt: Han såg seg sjølv sitjande død i ein stol med belgijspel i hendene, og dette gikk slik inn på han at han vart ein alvorsmann etter den dag (OR). Birgit, som han vart gift med, var ein truande kristen, likeeins fleire i syskinlaget. Ola, bror hennar, tok del på samlingane som forkynnar. Ivar, som frå denne tid skreiv seg *Iver Lien*, kom til å reise mykje som emissær (for Indremisjonen i 12 år og for Det norske Misjonsselskap i 20 år), men var bonde ved sida av. Han kjøpte fyrst ein gard på nedre Eiker, derifrå fløtte han til Bekkevoll på Åssida ved Drammen, der dei budde i ca 30 år. Til slutt kjøpte han skoggarden Fuglenes i Degernes, der han til og med dreiv eit meieri. På sine gamle dagar fløtte han attende til Hol eit par år før han døydde. Ivar var ihuga med i arbeidet for fri folkekyrkje (1907-09) og arbeidet med å få reist Menighetsfakultetet. Han gav mellom anna ut ein huspostill «Kristi Fodspor» (Dr. 1898). Etter at Birgit fall burt, gifta Ivar seg att med *Margit Litveit*, som åtte misjonshotellet Wittenberg i Oslo. Ivar og Birgit hadde två born: *Anne* 1881 (fødd i Hemsedal) g m bonde Thorvald Graff frå Spydeberg 1880-1938 og *Ågot* 1884 g m bonde Johannes P. Sjørdalen f 1889. *Anne* og *Thorvald* hadde fyrst garden Bergskau ved Drammen, som dei seinare selde og kjøpte att Stentorp i Degernes. Dei fekk fem born: *Johan* f 1911 bonde i Degernes g m Ragna Holt f 1908 (tre born), *Ivar* 1911-21 tviling, *Birger* f 1913 bonde på Ellefsrød i Idd g m Ester Åstorp f 1916 (7 born), *Ågot* f 1915 g m vegvaktar Ole Ådahl f 1912, dei bur i Degernes (har tre gjenter), *Arne* Moslått f 1917, ungdomssekretær i Misjonssambanelet g m Gunhild Harlem, dei bur i Rakkestad (har 6 born). - *Ågot* og *Johannes* budde på Fuglenes frå 1916 til 1946. Då fløtte dei til Åremark, der sonen Olav hadde kjøpt sandbæk av verfar sin. Dei hadde tre born, men dei två yngste *Bertha Pauline* og *Ivar* døydde som små. Den eldste, *Olav Sjørdahl*, f 1917 vart g m Ingrid Sandbæk, Åremark, f 1916. Dei har butt i Oslo frå 1954, der Olav har vore tilsett fyrst ved Ekebergbanen og so som vognførar ved Oslo Sporveier (dei har ein gut og två gjenter). (Etter opplysningar av Johan Graff og Olav Sjørdahl.) Svein Hansson fekk Løvehaugen g 1856 m Kari Pålsdtr Hulbak 1834-1918-84. «Svein var en sjelden hyggelig mann. Jeg kan nevne ham som en flink kirkegjenger. Til kirken hver skapende messe, undtagen om sommeren. (Da var han som andre menn på stølen om søndagene.) I godt som ilt vær gikk han den lange vei. Jeg synes endnu å se ham i sine vadmålsklær, som da var almindelige: Sort langbrok, sort vest, blå korttrøie, silkehalsklut og sort plysjlue med opslag» (HF). Born: Hans 1858 bonde i Lien og på Kjøsterud ved Drammen, Anne 1862 g 1886 m Arne Viljugrein, Barbo 1865-1921-56 g 1890 m Ola Venåse på Flaten. I 1867 kjøpte Svein og Kari søre Lie og fløtte dit, og Ola, bror til Svein, kjøpte Løvehaugen. Ola var ein sers flink jorddyrkar til den til å vera (sjå «Hemsedal» s. 25/35). Han vart g 1869 m Margit Persdtr Rese 1843-85-42: Hans 1870-1932 bonde i Løvehaugji, Per 1872-1908-36 bonde på Åssida ved Drammen, Anne 1875-96-21, Ola 1878-1968 «Melomen» dei kalla, var tilhaldar på Løvehaugji, budde «ni bygnae» der han hadde verkstaden sin, var ein meister med kniven, fletta korgar, lagga, gjorde river osv., la ned eit stort arbeid i «samhald» ungdomslag på Tuv, var og revisor i Tuv samvirkeleg ei årrekkje (i sin ungdom hadde han vore mykje «neafør»), Svein 1881 var lærar i Enebakk ei tid, døydde ca 1916-17. - Per var g m *Birgit* Eivindsdtr Høvdæ, syskinbarnet sitt. Då Per fall burt, fløtte Birgit attende til Hemsedal og busette seg på Tuvbakka. Hans fekk Løvehaugen. Han var og ein ivrig jorddyrkar, sameleis som far sin, g 1894 m Guri Olsdtr Venåse 1868-1918-50: Margit 1896 d, Ola 1897 konstabel i Drammen, rtA, Margit 1898 g 1925 m Engebret Skolt (sjå der) dei kjøpte seg gard i Svinndal, Olav 1900 bonde i Løvehaugji, Birgit 1902 g 1951 m Olav Golberg i Gol, Hans 1903-69 g 1940 m Magnhild Ausen frå Levanger, var ved sin død Salssjef for Dagny Margarinfabrikk, Nils 1905 kjøpte seg gard i Skiptvedt og vart g m Gunvor Andersen, Per 1909-75 g m Barbro Viljugrein (sjå Vangen ved Tuv 81-11), Andres 1911-33 døydde av blindtarmbetennels. Olav overtok garden då far hans døydde, g 1936 m Margit Gurigard frå Ål 1913-76. Born: Gudrun Helga f 1937 g 1958 m Ola Kvanneberg frå Hol f 1929, var i mange år tilsett ved Hallingdal Meieri i Ål. Dei overtok Løvehaugen i 1974 og fløtte til Hemsedal (born: *Gunn Marit* 1960, *Inger* 1964), Liv Borgny 1941 g 1962 m Knut H. Mythe, Magnhild Solveig 1949, g 1976 m Leif Brøto

frå Hønefoss, dei bur i Oslo, Aud Jorun 1953. Olav bygde nye uthus 1950 og har vølt om innehusa. Medlem av skulestyret i fleire periodar, styremedlem i samvirkelaget og Kjøttforretningen, skjønsmann. Gudrun Helga og Ola Kvanneberg bur no i det nybygde bustadhuset og Ola arbeider ved Hemsedal samvirkelag, avd. Tuv. Løvehaugen har langstøl på sørø Hælsø og heim støl på nørdrø Hælsø og burtpå Moo vesta åne.

Slette

Gnr 89, bnr 3, lnr 675.

På Sletten. Skriveform: Sletten.

I 1794 gjev Tomas Kariset skøyte på halve luten av nørdrø Kjøstelien til Ola Olson Hustad for 350 rdl, skyldsett til 3 løbel. Ola skal ha ein støl som ligg vestafor garden, og Tomas skal ha for sin del langstølen (Liostølen), heiter det. So er Ingvar f 1768, son til Torstein Olson og Anne Ingvarsdr, som budde på eit Grøndals-bruk, bonde på Sletten g m Barbo Hansdr Jordheim 1751-1839-88. Dei var barnlause. Men Barbo hadde før ekteskapet ei dotter med Hans Nilsson Hølle: Margit. Ho vart g m Ola Asleson Løvehaugji. Det vart fortalt om Ingvar at då han låg på det siste og tenkte attende på livet sitt, hadde han ikkje gjort noko anna gale enn å naske viu i anmanns skog, endå han hadde skog meir enn nok hjå seg sjøl. - Torstein Olson, ein brorson til Ingvar, tente på Sletten. Det var meininga han skulde hatt garden. Men dei kom ikkje over eins. I skurden skulde Ingvar mæle Utalag åt Torstein. Ei mælingsstong var 6 alner. Når ein mælte med denne stonga, skulde ein leggje henne ned på marka. Ei annan stong var 6 alner og eit kvart. Nytta ein denne, skulde ein ikkje la stonga gå lenger ned enn til knes. Torstein såg på då Ingvar mælte med den lange stonga og såg seg harm: «Du skulde kji la denne stongji gå meir enn nedåt knette, men du let ho gå radt nedåt hudscoe!» Og Torstein reiste. Vart bonde fyrst på Endae i Grøndale og so på Vøllø. Det vart syster til Torstein, Anne Olsdr Fausko 1800-75-75 som fekk Slette g 1829 m Knut Person Vøllø 1794-1883-89. Knut og Anne heldt god styrmad. Dei var fyregangsfolk i grenden. Alt skulde vera gjort til bestemt tid. På Sletten vart plogen sett i åkeren fyrst. Dei bestemte fløtningen på stølen og heim. Dei tok fyrst til med slått. Arne O. Eikre kjøpte smør og reiste til Christiania med. Sto på torget med ei kasse fullpakka med smør. Ein hoffkokk kom og vilde kjøpe fjellsmør åt kong Carl XV. Såg over smørstykkene og valde ut eit som Anne Sletten hadde laga. «God var havnen på Halsestølen, god var varen virket i Annes hender» (HF). Anne og Knut hadde: Kari 1830-33-3, Margit 1832-61-29 g m Ola T. Brandvøl, Per 1835-1922-87 bonde på Sletten, Ola 1838-1923-85 bonde i Rundtupp, Ingvar ca 1841-1915-74 fehandlar, skreddar (den fyrste som skaffa seg symaskine), so kjøpte han ein av Stoppen-gardane i Lier og busette seg der, g 1887 m Anne Olsdr Støle (dei hadde tre born: Anne, Knut og Ola, alle ugifte, sonen Ola døydde i 1970, nær 79 år gamal, visstnok den som levde lengst i syskinlaget). Per fekk garden g 1) 1868 m Gunhild Torsdr Jeglheim frå Gol, dotter av Tor Herbrandson og kone Barbo Ivarsdr frå Eikre. Gunhild døydde i barnseng på Hælsastøle 25. juli 1871, oppgjeven alder 25 år. Ho låg sjuk fleire dagar. Ola Lien reiste til Nes etter doktor. Men det var langt å køyre og tung veg: Golsbakkane, Kleppsbakkane, Kyrkjebøns- og Finnsetbakkane. Deretter laut han ri upp på støln. Doktoren sa at hadde han vore der eit par timar før, kunna ho ha vore Berga. Ho forsto at det bar mot slutten. «De få kji la'n Knut frøse enn svelte då.» sa ho til dei som sto omkring henne. Guten fekk namnet Knut 1869-1954, og han vart bonde på Sletten. - Per vart g 2) 1874 m Mari Olsdr Snikkerbrøta frå Gol 1853-1944: Ola 1873-1944, vart g 1902 m *Halldis* Olsdr Bergsgard-Øygard 1875-1936 fra Ål, dreiv hotelldrift i Drammen og kjøpte seg eit småbruk. Hadde ein son: *Petter Olav* 1903-67 g 1937 m Gudrun Larssen, Drammen f 1899 (hadde sonen Per Harald f 1938, g 1959 m Hilde Wencke Omholdt f 1939, born: Anne Carine 1960, Merethe 1964 og Kirsti 1967). Gunhild 1875-1925-50 g m Embrik Sagabrøta i Gol (hadde før ekteskapet dottera: *Maria* Sveinsdr 1898-99-1), Anne 1877 gift uttafør, døydde tidleg, Per 1878 døydde i vaksen alder uttafør, Hans 1882 d, Hans 1885-1964 budde heime, Guri 1887-88-1, Knut 1890, Guri 1896-1959. Knut vart gift uttafør og busette seg i Drammen, lever enno og har fleire born. I 1950 vart garden selt ved auksjon og kjøpt av *Ola A. Kirkebøen* d.y. (sjå Bekkjidalen). Guri og Hans fløtte so ned til *Nordli* 89-26 (sjå der).

Nordli

Gnr 89, bnr 26. Nyare bustad.

Det var Guri og Hans Sletten som bygde åt seg her då dei selde Slette 89-3 (sjå der). Då dei fall burt, vart Nordli selt på auksjon 1964 til Kristian Sveinunggard frå Hol f 1909. Kristian tok til som reinsgjætar i Skurdale 1934 og dreiv med dette til i 1949. I 1952 kjøpte han lut i Filefjell Tamreinlag og gjætte her til han i 1970 selde reinen og slutta som reinsgjætar. Kristian vart g 1965 m Inga Dolvik frå Indre Arna ved Bergen f 1913. Kristian har vore ein slitar av det gamle slaget og ein snill og forsiktig mann.

Kjøstellie eller Medlie

Gnr 89, bnr 1, lnr 674 a.

I Medlin. Skriveform: Lien.

I skattematrikkelen for 1647 er oppført *Trond Thiøstelslien*, og garden skattar med ein halv dalar til kyrkja. Er skattlagd som øydegard. Ved manntalet 1664-66 er garden skattlagd som halv øydegard, og brukaren *Efuen* (Even) er 40 år. Kyrkjebøkene nemner ein Tomas (Eivindson, d 1733, 72 år gamal) og Sigrid Lien: Ola 1705 (g 1739 m Ingebjørg Rasmusdtr), Knut 1708-56-48 bonde i Skøyte, Margit 1712. Ein Knut d.y. 1718-73-55 som vart bonde i nordre (eller søre) Lien, høyrer kan hende til dette sama syskinlaget. Ovannemnde Ola kan vera den Ola Tomasson som døydde i 1773, 59 år gamal g m Ingebjørg Rasmusdtr, som døydde i 1769. Ved skifte etter Ingebjørg blir det nemnt at dei åtte ein plass Hauge (Løvehaugen eller Presthaugen), som det vart lagt fram eit makeskiftebrev om av 1768. Dei hadde två born: Asle 1737, Ragnhild 1743. Ein Ola Tomasson Haugen er 1764 g m Barbo Nilsdtr. Born er ikkje nemnde. Ein Knut Tomasson Skøyte døydde i 1756 syner eit skiftebrev. Ein Knut Tomasson Lien, fødd i Boyesentida, døydde i 1773, 55 år gamal. Ein må tru dei två sistnemnde var brør. Men det er uklårt kven av dei som budde i nordre eller søre Lien. Det sama gjeld ein Eivind Tomasson. Knut d.e. er teken under Skøyte. Knut d.y. vart g m Jartrud Mekkel dtr som døydde på Øndredal i 1768, 54 år gamal. Knut og Jartrud hadde: Margit ca 1736 g 1757 m Gunnvald Person Hustad, Mekkel 1738, Dis 1740-41-1, Sigrid 1741 d ung, Tomas 1742 d ung, Sigrid 1744 g 1766 m Oddmund Ingvanson Tuv, Kristi 1748 d ung, Birgit 1749 g 1771 m Sjugurd Nilsson nordre Venåsbakko, Gaute 1751 d ung, Dis 1752 g 1774 m Tomas Eivindson Lien eller Viljugrein, Ingerid 1753 d ung, Tomas 1754. Ein må og tru at ein Halvor Tomasson Lien var son av førnemnde Tomas og Sigrid og har butt på eit Lien-bruk. Han vart g 1740 m Liv Knutsdtr Vølle eller Sjøheim f 1711: Anne 1741-1839-98 g 1777 m Tomas Hallsteinson Kariset, Ivar 1743, Sigrid 1746, Tomas 1748, Birgit 1749, Knut 1753. I 1801 budde Tore Olson og Jørønd Hansdtr i Medlien. Dei hadde før vore på Høllemoen (sjå der). Men det kan vera dei berre bygsla bruket, for Tomas Kariset åtte eiegen. Han tok han for pantegjeld. Det var fyrst Ola Bjørnson Støle 1790-1869-78 g 1824 m Anne Oldsdtr Kariset 1807-85-78 som vart eigarar av garden. Ola var ein merkeleg mann og utanom det vanlege, endå han tusla der liten og simpel i gråtroye, knebrok og køll-luve. Han var bonde, snikker, veiar, poet og skribent og attåt noko av ein åtgjerdsman. Få har nytta tida meir regelrett enn han. Om vinteren køyrde han beit frå veun i vestlin før det var ljost om morgonen. Når det vart dagen, drog han til fjells og skaut rjuper, og i kveldesetun snikkerte han. Især var han flink til å lagge kjørelid, som han rosa med sviing. Om sommaren når han drog til støls i Hestehaugo, reiste han fjelleies med rifle, og skaut ofte rein. Han tok med seg på stølen so mykje han kunna bera, resten grov han ned til han drog heim att måndags morgonen. - Som ung var han hugteken i Guro Knutsdtr søre Lien, og ho bar elsk til han att. Ein kunna seie om dei: «alltid skjermet av tukt og ære sto deres møte ved dag og kveld.» «Du er mild som en vårkveld, like ved dig har jeg ikke lyst til noget på jorden, skrev han. Han fulgte henne på kirkeveien, han søkte henne på Halsestølen først på sommeren når hun sat der. De møttes i skog og mark. Et par øine så daglig fra stølen til Lien. Møttes av et par fra Lien til stølen. De snakket om følgeskap i en lang framtid. Varmt, hjertelig, hyggelig. Som to unge hjerter, der slår mot hinannen. De så foran sig en sommer i praktfarger i regnbueglans, en vei strødd med hjerteblad og forglemmigeier. Men - lykken er omskiftelig. Selv Paradiset har en slange. Det meldte sig en annen frier til Guro Lien: Mekkel Olson Grøndale 1794-1848-54. Guros foreldre, Knut og Barbo Lien, var så «all i være» for denne nye beiler. Han hadde den store gode fødslegard Grøndalen og sat ellers godt i det. Ola Bjørnson Stølen hadde ingen gård. Ikke penger heller. Det var nok bare to barn der på Stølen, Knut og Ola. Det var på tale at Ola skulde hatt halve gården. Men det blev så at han fikk 600 daler i arv, men ingen gård. Så kom pengenedslaget i 1812. Ola hadde att av halve Stølen bare hvad en fjorkvige var verd. Ved ham hang det bare et kvigeverd, og ved Mekkel en stor gård med blomende enge og lauvkledde bjerkelie. Sote vene, det stred jo mot all verdens reknekunst og snusfornuft, om ikke Mekkel fikk ja og Ola blev skutt for glugg. Knut og Guro la fram sine grunne så veltalende som de kunde. Lokket først, truget sist. Ola og Guro måtte skilles. Med blødende hjerter. Guros bryllup med Mekkel stod i Lien 15de juni 1823. Ola Stølen var med i bryllupet. Om kvelden blev han drukken. På låven blandt dansarlyden, sang han en vise han hadde diktet om sig og Guro. Når Ola tok til å synge, skar Guro i å gråte og skyndte sig inn i stuen. - Ja Guro flyttet til Grøndal. Men lykken er omskiftelig. Hun døde i første barnseng 7de desember 1825, uten å bli forløst. Man sa til henne at de vilde hente doktor. Den gangen måtte doktor hentes helt fra Ringerike. Men hun vilde ikke. Vilde heller dø. - Når hennes dage ble så korte, angret Knut og Barbo sart at de hadde gjort henne så imot med den giftingen. Angret det kanskje alt de levde. Det gikk som skrevet står i Salmen: Den fryd man ro vil finne i, er oftest ei fra jammer fri» (HF). Ola vart g m Anne Kariset året etter at Guro sto brur. Dei hadde: Bjørn 1826-1913-87 bonde i Lien, Ola 1829 d, Ola 1832-1917-85 bonde i Sletthaug, Knut 1835-1917-82 bonde på søre Fekjo, Tomas 1838-1913-75 bonde i Bakko, Ola 1841 d, Ola 1846 d. Dei fire sønene som vaks upp her, var ferme karer

med fast karakter. Snikkerar alle i hop, især Bjørn og Ola. Dei tre yngste var ogso handelskarar. Handla især med sau, som dei kjøpte i Lærdal om våren, hamna han i Hestehaugo sommaren over og slakta om hausten. Utpå vinteren reiste dei til Drammen for å selja kjøt, skinn, talg, ull, smør og vilt. Dei la seg upp pengar, som dei passa vel på. Dei tre eldste slapp militærtjenesta, men Tomas vart utteken til soldat. Dei tre andre gav han 2 dalar kvar for at han kunne leige for seg dei siste åra. Men Tomas la i staden dei 60 dalarane til sides og ekserte dei 5 åra. Bjørn fekk garden g 1854 m Birgit Aslesdtr Venåse 1827-64-37. Ho døydde i barnseng. Dei hadde: Anne 1855-1922-67 fekk garden, Guro 1859-1938 g 1882 m Trond Viljugrein. Anne overtok garden g 1881 m Knut Olson Støle d.y. 1848-1936. Han var før handelskar. Anne var mykje plaga av gikt, var ufør i 20 år, låg tilsengs i 10 av dei. Ein tung lagnad. Borna til Knut og Anne: Birgit 1882-1934 mykje sjuk, Ola 1884-1970 bonde i Lien, Knut 1887-1927 var ein flink handverkar og rosemalar, Ola 1890-1973 g 1920 m Sigrd Oldstr Hustad, bonde på Hustad 79-2, Gunvor 1892-1945 døydde i Oslo av difteri, Asle 1895-1962 gift med ei Margit frå Østerdalen (dei hadde två born), Barbo 1897 bur i Oslo, Gunhild 1900. Knut overdrog garden til Ola og Gunhild i 1916. Dei selde han att til brorsonen knut Olav Lien på Hustad (sjå der). Dei hadde då bygt seg hus nede ved riksvegen og fløtte dit: *Liotun* 89-27. Avlinga i Medlien blir no køyrt til Hustad.

Huso

Gnr 89, bnr 2, Inr 674 b.

I Huso. Skrivejorm: Huso.

Gamle-Eivind fortalde at det budde ein dei kalla Mure-Tølleiv i Huso, men kyrkjebøkene fortel ingen ting om det. Derimot budde det ein Ola Halvorson Hustad der ei tid (sjå Hustad). Han budde ogso i Sjøheim ei tid. Jakob, son til Ola, 1774-1855-81, vart bonde i Huso g 1804 m Anne Oldstr Bakke 1779-1858-79. Då Anne på sine gamle dagar var aleine i Huso ei natt, syntest ho det kom eit menneske fram or peisron og sa «kor har du pipa di?» Anne vart redd og ropte: «Du må før alt i verdn ikkje gjera me noko!» So fornam ho ikkje meir. Venteleg var det ein draum, som ho vakna or. «Det er litet sannsynlig at gjengangere bruker pipe» (HF). Borna til Jakob og Anne: Margit (ukjent fødselsår) g m Halvor Halvorson Knaldre i Gol, Ola 1805-83-78 bonde i Huso og deretter på Fausko og i Venåse, Kristi 1810-84-74 g 1834 m Eivind Grøndalsdøkken, Ola 1816-83-67 bonde på Brandvøl. - «Ved jonsok 1883 holdtes efter initiativ av kirkesanger Berg m.fl. et møte ved Lagmannsdøkken i Gol, hvor det blåstes på lur og prillarhorn. Halvor Knaldre var den flinkeste til å blåse på prillarhorn. Jeg og andre unge som hadde hørt mindre av denne musikk, vi satt undrende over at det kunde skapes så kunstige toner på det instrument. Det lød så vemodig. Og når man tenkte over at denne musikk lød så ofte i dalene, i fjellene, i liene her, og at musikken nu var døende, det var bare som gjenklang av en svunden tid, det var helt tungsindig vemodfullt. Man søkte også å få op at spill på langleik, men det vilde ikke gå» (HF). Ola d.e. fekk Huso g 1883 m Birgit Nupsdtr Bjøbergo 1807-56-49: Birgit 1833 d, Jakob 1834-1914-80 bonde i Huso og Venåse, Eirik 1837-1911-74 bonde i Huso, Ola 1839 rta der han døydde i borgarkrigen, Anne 1841-1916-75 (med born: *Birgit* Knutsdtr 1866-1903-37 g m Jon Skøyte, *Nils* Knutson 1870-91-21 døydde på Stølt), Birgit 1843-96-53 g m Ola Nilsson Venåse, Botolv 1846 budde i Venåse, Ola 1848-1919-71 bonde på Flaten, Margit 1850 g 1871 m Torleiv Bjørnson Sjøheim, dei rta (i Hemsedal hadde dei: *Bjørn* 1871). vart g 1871 m Margit Bjørnsdtr Sjøheim d.e. 1852-1938: Ola 1873-1904-31, Birgit 1876 g m Lars Skarsgard i Ål, Jakob 1879-1905-26, Gunvor 1882 g m Andres O. Venåse, Olaf 1884-1969 bonde i Huso, Eirik 1887-1974 g 1926 m Kristi Grønsæt frå Gol, sjåfør ei tid, deretter bonde på Jessheim, Herbrand 1889 skreddar, busette seg i Gol, Margit 1891, sjukesyster i Hemsedal ei tid, g 1929 m Herbrand Haugen (sjå 67-10), Kari 1894 g m ein danske, dei bur i Hokksund, Anne 1897 g 1932 m Ola Groset. Olaf overtok garden i 1923 g 1911 m Ragnhild E. Intelhus 1883-1972. Han var kjend som ein klårsynt og rett-tenkt mann med godt humør samstundes som han var sers ordhag og kvass i replikken. Han var mykje med i det kommunale styre og stell og vurderingsmann i jordskiftesaker både i Hemsedal og Gol. Nydyrka mykje jord og bygde nye uthus 1927 og nye hus på stølane. Ragnhild var mykje plaga av gikt i mange år, nærmast invalid dei siste 25 åra, men ho bar lagnaden sin med stort tolmod og sytte aldri. Born: Margit 1912 har hatt huspostar ymse stader, elles vore heime og hjelpt til på garden, Birgit 1916-60 var delvis heime og delvis hushjelp ymse stader, deretter sydame i fleire år. G 1959 m Kolbjørn Holestøl frå Hol. Dei busette seg på Tuv, og han arbeidde for Oslo Lysverker. Hadde ei dotter: *Ruth Anne* 1960. Birgit var eit uvanleg fermt og arbeidshuga menneske, men vart råka av ein ulækjeleg sjukdom. Det var ufatteleg som ho greidde å bera lagnaden sin til siste time med sama lyse og lette sinn som elles merkte henne gjennom livet. Erik 1923 bonde i Huso.

Erik overtok garden i 1954 g 1956 m Eldbjørg K. Venås. Bygde nye innehus 1956. Har vore ein uvanleg flink arbeidsmann. Den vene og velstelte garden og dei vakre stølsvollane ber vitne om det.

Erik har og vore mykje nytta i det kommunale livet, har vore med i mest alle dei råd og utval som tenkjast kan. Likeeins leiar av ungdomslag og idrettslag. Var i fleire år aktiv skilaupar, av dei beste frå Hallingdal både i Holmenkollen og landsmeisterskapsrenn. Erik var og drivkrafta i gjennomføringa av grendevegen i Lio. Borna til Eldbjørg og Erik: Olav 1957, Bjørn 1960, Kjell 1961, Ragnhild 1967. Garden, som visstnok er komen undå Kjøstellien, har langstøl på austsida av Storeskarvatne (Lio) og heimstøl i Heimdale.

Bjødbergstølen

Gnr 88, bnr i, lnr 672 a.

På Bjødberstøle. i dagleg tale: Stølen. Skriveform: Bjørnebergstølen.

Bjødbergstølen har ei slåtte eller foring vesta åne som dei har kalla Søren-slåtta. «Dette navnet minner meg om en familie som har bodd i Hemsedal, den eneste Søren i bygden: *Søren* Kristensen og hustru *Anne* Knutsdr Viljugrein med borna: *Guro* 1725, *Ragnhild* ukjent fødselsår g 1753 m *Levor* Levorson Åse 1730, *Kari* 1733 (med borna: *Margit* Monsdr 1756 og *Søren* Tomasson 1766), *Anne* 1735-1814-79 g 1777 m enkjemann *Eirik* Tomasson Haugseigo, i 1801 bur dei på *Løkji*, *Knut* 1737, *Margit* 1739. «Jeg har det inntrykk at denne familie ikke åtte meget av denne verdens mark. Bestemor sa: «Ho SørenGuro fora i ein dull.» Guros far har formentlig åttet Søren-slette i flere år, derfor blev navnet sittende att på slåtten» (HF). Ein veit heller ikkje kvar Ragnhild g m *Levor* Levorson d 1767 kring 59 år gamal, budde. Dei hadde desse borna: *Ivar* 1753, *Anne* 1758, *Mari* 1762. Bjødbergstølen er ikkje nemnd korkje i skattematrikkelen 1647 eller i manntalet 1664-66. Men i eit gammalt dokument frå 1675 heiter det: «Kiendes jeg under skrefne hermed at haffue soldt och affhendt saa och med dette mit Breffs Kraft schiøder, selger och afhender til erlig och veludrustet Mand *Biørn* Brekke boende udj Goell efterskrefne mit Jorde Gods udj *Biørnebeer* Støellen ett Halfpund Smør med *Bøxel* item *Schrye* Støellen ett Halfpund Smør och med *Bøxel*, desligeste udj *Snocs* Rud ett Pund Smør med *Bøxel* och *Herlighed*, Ret og Rettighed som jeg aff *Hans* Kgl. Maj. bekommet eller ældre kjøbt haffuer, hvorfor *Biørn* Brekke haffuer givet mig fornøvelig Betaling, thi haffuer Opsidderne. . . at svare til samme Rettigheder efterdj jeg dertill nu ingen Lod, Deel, Rettighed mere haffuer, medens *Biørn* Brekke och hans Arfvinge at følge och tilhøre efter denne Dag. . . under mit Zignete og egen Haand. Datum Strømsøe den 11te Febr. Anno 1675. Daniel...» (namnet uleseleg). Skøytet vart offentleg stadfesta 26. januar 1687. Desse eigedomsrettane i Hemsedal gikk i handel ei tid, og på ein auksjon i 1718 vart dei kjøpt av assessor *J. H. Munch* som i 1719 selde dei att til ein *Peder Klæboe*. Snogsrud var ikkje med i denne handelen. Kven som var brukarar av Bjødbergstølen og Skriustølen i denne tida, er uvisst. Den fyrste som kyrkjebøkene nemner, er ein *Per Bjørnson*. Det kunna tenkjast at han var son til *Bjørn* Brekke. Han vart g i) 1704 m *Margit* Jakobsdr Purkestad, som døydde i 1723. Ved skiftet etter henne den 24. juni vart det registrert m.a. 3 dyner med høvdslag, 1 vadmalsdyne, 3 lesnings sengklede, 3 brøtningssengklede, 1 tepen, 12 skinnfelidar (til 9 rdl), 1 lereftslaken, 1 duk, 1 flamsk hynde, 20 kyr, 7 fjorkalvar, 10 sauer, 9 geiter - so det var ikkje so rett lite. På skiftet etter *Per* 1753 vart det lagt fram eit makeskiftebrev mellom han og sonen *Torleiv* som syner at *Per* har bytt garden *Steinsrud* i *Gol* med *Viljugrein* i *Hemsedal* av skyld 2 løbel. *Per* og *Margit* hadde: *Bjørn* 1705-1747 bonde på *Bjødbergstøle*, *Margit* 1708 g 1) m *Arne* og 2) 1728 m *Eivind* Høvdae, *Torleiv* 1711 bonde på *Viljugrein*, *Birgit* d 1784 vart g 1743 m *Tore* Knutson Finnesgarde (sjå *Kariset*), *Jørønd* g 1745 m *Ørjans* *Ørjansson* *Øndredal*, *Ingebjørg* g 1741 m *Knut* *Person* *Øndredal*. Fødselsåret for dei tre sistnemnde er ukjent. - *Per* vart g 2) med ei *Anne* *Aslesdr* eller *Aslaksdr*. Dei var barnlause. Det var skifte etter dei i 1753. Sonen *Bjørn* fekk garden g 1) 1727 m *Margit* *Olsdr* (*Frøysåk*) d 1735, 33 år gamal. Dei åtte ogso garden *Frøysåk* i *Gol* og har truleg butt der ei tid: *Ola* 1729 bonde på *Bjørnbergstøle*, *Anfin* 1732-37-5, *Mekkel* 1734 bonde på *Frøysåk*. - *Bjørn* vart g 2) m *Barbo* *Anfinsdr*, kan hende dei og har butt på *Frøysåk*: *Anfin* 1739, *Per* 1740, *Oddmund* 1743, *Jakob* 1745, *Kirsti* 1748. - *Barbo* vart sea g m ein *Sevat* *Håvardson* i *Gol*. *Ola* *Bjørnson* fekk garden g 1753 m *Margit* *Monsdr* *Brandvøl* f 1734. Dei kom seinare åt *Lien*: *Bjørn* 1754-1844-90 bonde på *Bjødbergstøle*, *Mons* 1755 bonde i *Lien* g m *Sygni* *Steingrimsdr*, *Margit* 1757 og *Per* 1759 døydde i 1761, *Margit* 1762, *Nils* 1763, *Margit* 1765, *Margit* 1767, *Anne* 1769, dei fire gjentene døydde i åra 1770-74. *Bjørn* fekk garden. «En munter mann, er det fortalt. sang meget og diktet. Dessverre er hans dikt gått tapt. Kun dette ene vers har jeg hørt. Det er om et par brødre, som stjal tagl av nogen hester, som en vestlending kallet *Sletten* åtte: Dei skoro rova tå alle mara, men *Sletten* han va kji redd dei kara, dei fongo bittala taglet væl med mange peinga o eit kjøtlær. *Bjørn* lå tilsengs de siste år. Mor tjente hos ham. Engang han sto op som snarest og kommen i sengen att, døde han brått» (HF). *Bjørn* var g m ei *Ingebjørg* *Knutsdr* frå *Nes* d 1827. På *Nes* var han ofte. Der hadde dei mang ein morosam stubb å fortelja etter han. På *Nes* fekk han og tak i dei fyrste jordeple som kom åt *Lio*. Born: *Knut* 1786-1880-94 bonde på *Bjødbergstøle*, *Ola* 1790-1869-79 bonde i *Lien*. *Knut* fekk garden. Han var ein løgleg skruve som det gikk mange hermer etter, men han trong aldri læ sjøl av det rare han sa eller fann på. Då sonen *Ola* hadde vaksne gjenter, sag han ein

sundagsmorgan två friarar koma ut frå loftet. Då sa han til Gunvor, mor deira: «Det reiste två skrubba nigjønøm Husetangjin idag, de få akte vel på ongtyet» (ongty: lamb og kilingar). «Som livøremann bodde han alene i et kammers i nedre stuen. En mann sa til ham: «Tykji du kji det æ aule å vera her attleine, då?» - «E æ kji attleine,» svara han, «djæveln æ med me.» Min farbror Tor var en sommer ånnen hos Ola Stølen. Tor var plaget av mange kauner, og spurte hvorfor han skulde plages så. Knut svarte: «Det står skrivi: den ugudelege ska ha mange plagu.» En smell kold vintermorgen, jeg og andre skolebarn gikk på skolen, som den uke holdtes på Stølen, sto Knut ute og banket skinnfelden sin. Så ikke på oss, men sto truverdig og nibanket og så, idet vi gikk forbi: «No sko dei få, no!» Loppene, mente han. Da Andres Løeshaugen fra Borgund var kjøkemeister i bryllupet til Peder Sletten 1869, besøkte han Knut. Andres snakket om sig selv, at han var lite skicket til kjøkemeister. Knut sa: «Jau, du va måte de» I bryllupet til sin sønnesønn Knut 1874 var også Ola Hovda. Ola talte om den boken han holdt så gjæv: Swedenborgs lære. «Ja, e med har ei god bok,» sa han Knut Bjødnbergstøle. - «Ka eite den då?» - «Dei kalle ho Nytestamente,» svara Knut. - Knut gikk ikke «attpå» sine ord. I en ophidset sinnsstemning kom han til å sette sig fore, at han ikke mer vilde gå inn i stuen til sønn Ola og familie. Og han holdt det bokstavelig, skjønt han levde siden i ca 20 år. Han hadde selv snekret sig likkiste, som sto der i 20 år. Og trekors på graven. Han hadde på den skrevet med kniv: Stølen Knud, Aar Årstallet hadde han ikke skrevet» (HF). - Knut vart g 1) 1806 m Anne Sjugurdsdr Tuv f 1778. Dei hadde: Anne 1807-91-84 g 1828 m Knut Olson Kyrkjebøn. - G 2) 1810 m enkje Gunhild Håkonsdr Berg frå Vats i Ål d 1862 ca 80 år gamal. Gunhild var ei from religiøs kvinne, eit sjeldsynt godt menneske, og gavmild mot dei mange som trong hjelp den tid. Ved folketeljinga i 1801 var 134 av 1154 oppførde som tiggjarar, dei gikk og «bad seg», som det heitte. Det er 11,6 %. - «sank i hop det som att er, so ingen ting går til spille,» sa Jesus etter matunderet. Gunhild retta seg etter det. Når loa var inn køyrd, og onnegjenta hadde raka i hop eksane, gikk Gunhild omkring på åkeren med ei korg og plukka opp dei eksane ho endå fann. Julenatta heldt ho so dyrebar at ho let lyset brenne heile natta. Ho brukte å syngje: «Tag fatt på verket alle, gjør bod mens det er tid. Hva vet når Gud vil kalle fra verdens synd og strid.» Knut og Gunhild hadde ein son: Ola 1811-94-83. Han vart bonde på Støle g 1836 m Gunvor Knutsdr søre Lien 1808-82-74: Knut 1836-1914-78 bonde på Støle, Gunhild 1840-1921-81 g 1866 m Ola Larsson Kyrkjebøn, Barbo 1843-81-38 g i Amerika m Ola Hulbak, Ingebjørg 1845 g 1869 m Ola Oddson Kyrkjebøn, dei rtA, Knut 1848 bonde i nørdrø Lien, Guro 1850 g 1872 m Ola Lien i Sletthaug, Anne 1855 g 1887 m Ingvar K. Sletten, dei busette seg i Lier. - Det var vakre folk i den huslyden. Gunhild var rekna for å vera den vakraste gjenta i bygden i si tid. Ho budde i Sande då ho fall burt. Knut d.e. fekk garden, g 1874 m Margit Sjugurdsdr Tuv f 1848. Dei var barnlause. Men dei fekk i stand eit giftarmal som høvde likevel: Ola Trondson Tuv 1874-1968, brorson til Margit, og Anne Olsdr Sletthaug 1881-1947, systerdotter til Knut. Dei vart gifte i 1904. Soleis sit det enno ei grein av ætta etter Bjørn Brekke der. Ola, som til dagleg vart kalla «Stølmann», overtok garden i 1923. Bjødnbergstølen har frågamalt vore rekna som ein av dei gjævaste og største gardane i bygden med omsyn til eigedom svidd. Han har store fjellrettar i Mørkedale, og området rundt Skriustølen vilde bli ein heil liten gard for seg sjøl og alt vart oppdyrka. Ætta har og halde i hevd gamal tradisjon og bondekultur uta omsyn til jaget og maset no for tida. Til garden høyrer det ein langstøl aust for Bjøbergo, Stølsstølen dei kallar. Og Skriustølen blir nytta til heimstøl. Til denne stølen knyter det seg mange minne for ungdomen i Lio. Det vart gjort mang ein friartur burtpå Skriustølane om haustane til gjentene som hadde mjølkinga der. Og mykje moro vart funne på. Det kunna vera vandt nok å finne vegen heim att gjennom mørke skogen ei svart haustnatt. Det blir fortalt om ein at han trødde feil og ramla i elva. Men det var liten vassføring, so han kom seg vel upp att. - Ola Tuv vart ein gamal mann, men var frisk og rødig like til mot slutten. Han vart noko frøsen av seg på sine gamle dagar. Han gikk med halsklut og tjukke lovottar jamvel midtsommars, dersom det var hustru ver. Ein godlynd og lentug mann. Nokre byfolk som ferierte der, hadde med seg ei fransk dame, som prøvde å prate eit noko kringsnudd norsk. Etterpå sa han det slik: «E lika språke lite fransk, e,» og so lo han so lurt. Anne, kona hans, var eit stillfarande og fint menneske. Ho vart sterkt religiøs og gjorde sin trufaste gjerning i det stille. I 1939 vart det bygt nye uthus på garden, dei fyrste som var mura av teglstein. Borna til Ola og Anne: Knut 1908 bonde på farsgarden (den 10. ættleden etter Bjørn Brekke), Trond 1909 d, Ola 1911, har bygt seg hus nede ved riksvegen, men arbeider heime på garden, har drivt noko med fehandel, Birgit 1913 g 1960 m Andris Snorheim frå Valdres, dei budde i Røyken der Andris døydde i 1974, Guro 1916 bur heime og steller hus og fjøs, Trond 1918, fløtte til Geilo og arbeider på Øyo Knivfabrikk, Margit 1920 g 1944 m Torbjørn Tomassen, dei bur i Røyken, Gunvor har arbeidt ein del i Lærdal, Gunvor 1923.

På eit Støl-bruk budde i 1801 *Ola* Torleivson Kariset og *Guri* Bjørnsdr Vøllo (sjå vøllo).

Andre døde på Bjødnbergstøle eller bruk derunder:

Kari Torleivsdtr Støle 1780, 70 år gamal. Bjørn Støle 1792, 39 år. Arne Sjugurdson Støle 1807,21. Guro Embrikdtr Støle 1809, 78. Bjørn Olson Støleiga 1809. Anfin Olson Stølplasse 1810. Guri Stølplasse 1814, 50 år.

Søre Bergo

Nedlagt bygselbruk under Bjødbergstøle.

Berre ein huslyd er kjend derifrå: Tore Person (han var son til Per Toreson og Jartrud Eivindsdtr i Lykkjun f i Venåse) g 1841 m Ingerid Torleivsdtr Strønden 1815-96-81. Denne huslyden var med i den fyrste flokken av hemse døler som for til Amerika i 1845. Tore skreiv heim frå Luthervally 7-7-1850 at han hadde fløtt lenger upp i landet, kjøpt seg 40 acres land og vilde snart kjøpe 40 til. Hadde alt brote upp två mål jord og hadde 10 nautskrytyr, 11 sauer og 2 grisar. I Hemsedal hadde Tore og Ingerid: Torleiv 1842, Per 1843.

Nordre Bergo

Gnr 79, bnr 5. På nordre Bergo. Matrikulert under Hustad, men var bygselbruk under Støle.

De første, jeg vet, bodde her var mine besteforeldre Ola Torleivsen og Helgæ Pedersdtr. Ætten var ellers således: En Torleiv Anfinson blev i 1735 g m Lukris Trondsdr Grøto. De hadde en datter: Sigrd 1735. Man får helst tro det er den samme Torleiv som i 1740 blev g m Åse Håkonsdr Hølle f på Trøym 1707, datter av Håkon og Margit Gautesdr Trøym som blev g på Trøym 1705 og senere kom til Hølle. Det står riktignok ikke om Torleiv er enkemann, men når prest Boyesen har innført i ministerialbøkene, har det været ham like fett, enten det var pike eller enke han innførte» (HF). Torleiv og Åse hadde: Ola 1741-1822-81 døyde på eit Stølbruk, venteleg Bergo, Håkon 1745-1811-66 g 1776 m Guri Olsdr Kyrkjebøn f 1747, han budde då på eit bruk i Grøndale, men døyde på Kyrkjebøn. I skiftet etter Åse 23-2-1762 ved Hans Hølle og Jakob Purkestad vart det m.a. registrert 5 kyr, 4 kviger, 7 geiter, 9 sauer. Den ovafor nemnde Ola Torleivson 1741-1822-81 var frå Kyrkjebønseigo. Han vart g 1768 m ei Helgæ Persdtr, men det er ukjent kvar ho var ifrå. I 1770 er dei skrivne for Vøllø, 1773 for Kyrkjebøn, 1775 for Lien. Til slutt budde dei i Bergo. Dei hadde: Åse 1767, Torleiv 1770, Håkon 1771-1836-65 bonde på Bergo, Knut 1773, Åse 1773 tviling, kom til Tønsberg og vart buande der, Anfin 1775-1840-65 bonde på Bergo og i Sletthaug. «Da den Åse engang gjætet geitene synst på Bergojordet, kom en gråbein og tok en geit. Det var ved en stor, flat stein der, sa mor. Min bestefar Håkon Olsen blev boende som bygselmann på Bergo, g ca 1806 m Jartrud Bjørnsdr Purkestad 1780-1863-83. Som andre småbrukere måtte han drive et håndverk ved siden av sitt jordbruk. Han var murer, peismurer. Knut Holtegard sa mig, at han hade sett, han muret en peis på Grøto. Håkon drev ellers på dagarbeide. Arbeidet heim i bygden hele uken. Var av et lett væsen. Han tasla så lett, sa mor. Var haugianer. En venn av haugianeren Svein Ullsåk «Store-Lesarn»). En dag i april 1836 var han borte på Storeskriun efter et moselass. Kommen heim med det, la han sig bort på sengen og sang Salmen: Et trin jeg atter har idag mot evigheten vandret. Senere på dagen var han med ved Stølkvernen i Heimsil og demmet. Blev våt på føttene. Om natten heftig syk. Ventelig lungebetennelse. Om nogle dager, 2den mai, døde han. Barna sørget så over ham. Han var så snill. 14 dager før han døde, kom en rev en natt like inn til husene på Bergo og skrek. Jartrud sa det var feige folk der. Og hun fikk rett. (Det var vanleg tru i gamle dagar at når røvo - ho-reven skreik, var det eit feigdarteikn, hørde dette omtala i min barndom. OR.) Det blev smått for enken med de mange barn. Ut å tjene sitt brød en for en. I ung alder. Enken satt jo med bygselbruket. Det var flere familier der efter hinannen som ånnet bruket og svarte enken livøre. så som Anfin Sletthaug, Ingvar Venåsbakka, begge Bjørn'er Sjøheim. Jartrud døde hos sin datter på Flaten» (HF). Borna til Håkon og Jartrud: Sigrd 1806-14-8, Sigrd 1808 budde på Strilelandet ved Bergen (hadde ei dotter: Anne Ellingsdr 1836), Bjørn 1811 skreddar i Florø g m Gurine, syskinbarnet sitt, datter av Jakob Purkestad laggar i Bergen, Ola 1814 budde på Vestnes i Romsdal, Jakob 1820 rta, Håkon 1823 budde på Strilelandet, Margit 1826-1906-80 g 1858 m Ola Flaten. «Min mor Margit het efter sin morsøster Margit Purkestad, som døde 1815, 23 år gammel. Det gikk en kregdefarang over bygden da. Ventelig døde hun i den. Mor var 10 år da faren døde. Hun var heime de første vintre. På Stølen var omgangsskole en uke hver vinter. Bare der gikk mor på skole. Hun var så glad i skolen, at hun gråt, når hun om kvelden gikk nordover Støl-jordet at. Læreren var Torleiv Gutormsen. Mor var liten av vekst, men god til å lese for sin tid. På et prestemøte (eksamen) sa prest Kjelstrup, da hun kom fram å lese: Kan du Gudsord du med då, som æ så liten. Mor kom på Stølen å gjæte, da hun var 13 år. Var der det meste av 2 år. Hun gjætet både vår og høst og sommer. Det værste ved gjættingen var, at hun måtte op så tidlig. Kl. 4. Hun lå sammen med gamle Gunhild Stølen. Når kl. var 4, begynte Gunhild å dra i henne, vekke henne langsomt. Og når

Gunhild begynte å dra, blev mor ille til mote. Etter de to år hos Ola tjente hun hos Bjørn, til han døde 21de desember 1844. Tjente så hos Gudlaug Tuv i 4 år fra våren 1845, hos Ola Lien sommeren 1849, så på Stølen att to år fra høsten 1849. Var der den totale solformørkelse 28-7-1851, som hun omtalte så ofte. De slog enda nede på myrene på Stølens langstøl den dag. De som ikke visste om mørket, blev forferdet. De mente det var dommedag. Men så pent som det var, når det lysnet at, sa en lærdalsbudeie, som var på Bjøbergsletta den sommer. Mor tjente på gården Flannum på Snarum vinteren 1851-52. Hadde 3 daler for halvåret. Og fikk litt tøy atpå. Var hos Ola Tuv sommeren 1852, netop da han tok imot skysstasjonen. Holdt til hos Kristi Hustad vinteren 1852-53, så i Bjøbergo i 3 år fra våren 1853. Sommeren 1856 budeie i Hyddalen hos Ola Huso på Fausko. Hos Gudlaug Tuv att vinteren 1856-57. Sommeren 1857 budeie hos Ola J. Huso på Liostølen. Vinteren etter hos Gudlaug Tuv til hun ved kyndimess flyttet til Flaten» (HF). Ein av brukarane på Bergo var Henrik Olson, son til Ola Knutson Fausketeigji og ugift jente Anne Ingvarsdr Hulbak 1782-1864-82, dotter til ungar Ingvar Nilsson Hulbak og enkje Birgit Torsteinsdr Viljugrein eller Bakke. Henrik heldt til innadørs på Eikro i Lio. Var kjend som ein kjempeterk kar. Han var med på veganlegget ved Eldrehaugen og lyfta der ein stein som sea vart kalla Henriklyftet. Henrik vart g m Ingebjørg Knutsdr Huseslåttun i Ål. Henrik døydde brått. Var med ved eit bryllup i Ål, der han budde ved det belet. Han skulde fyre av eit skot med ein pistol og skaut seg forderva i handa, som det sette seg blodforgiftning i. Då Jartrud fløtte frå Bergo og alle borna tok ut, sto bruket øyde til Mekkel Olson Lauvset 1834-1922-88 kjøpte det kring 1875. Lauvsetfolket heldt ved sitt eige namn, og difor kom bruket i dagleg tale med urette til å bli kalla *Lauvset*. Mekkel vart g 1868 m Olaug Jonsdr Storeluun 1843-1927. Han var ein bestemt karakter og førde seg fint. Det gikk gjetord om han som flink reinskyttar. Han og Olaug hadde tre søner, men dei vart ikkje gamle nokon av dei: Ola 1869-1905-36 skreddar, Jon 1876-1916-40 bonde på Lauvset, Eirik 1881-1921-40 bonde i Venåsbakka. Jon fekk garden g 1905 m Rangdi Arnesdr Ullsåk 1882-1964: Ola 1905, Olaug 1911-37 g 1936 m Anton Hovsløkken i Gudbrandsdalen (dei hadde ein son som døydde 21 år gamal, han var då gift og hadde två born). - Rangdi vart g 2) 1919 m Martin Selmer Haugen ved Trøym d 1951: Arne 1920 tilsett i Televerket, Ingrid 1922 var heime ei tid, så hushjelp på Moe dit ho fløtte. Det var Rangdis son av fyrste ekteskap, Ola f 1905, som overtok garden då Martin og seinare Rangdi døydde. Han kan sjå attende på ein lang og stri arbeidsdag, men arbeidshugen og arbeidsgleda og eit godt humør bar uppe til kvar ei tid. Dertil åtte han ei stor evne til å få arbeidet fort ifrå seg, gløgg og omtenkt som han var. I 21 somrar var han slåttekar ymse stader i bygden, dei fleste i Lien, Løvehaugji og Skøyte. Han hadde eit serskilt lag med å grava brunnar åt folk, ein vinter grov og steinsette han tre stykke. For brøtarbeid hadde han frå 8 upp til 25 øre kvadratmeteren, har han fortalt. Frå 1935 og fram til 1972 arbeidde han mykje for vegstellet. Som faren og bestefaren var han flink fangstmann, og mange vintrar dreiv han med veiding. Nørdre Bergo - eller *Lauvset* som det no blir kalla, har langstøl på austsida av Storeskarvatnet og heimstøl i Heimdale.

Lauvset

På Lauvset. Jfr. nørdre Bergo.

Dette bruket høyrde Hustad til. I flaumåret 1860 vart ein lut av jordet øydelagt av ei jordskriu og laut arbeidast om att. Dei fyrste som ein veit budde der, var Mekkel Hallsteinson Viljugrein 1769-1852-83 g 1794 m Margit Olsdr Støle 1775-1851-76. Margit skulde ikkje få lov til å gifte seg med Mekkel. Men ho sette viljen sin igjenom, fløtte med heimafølet sitt ei natt og levde deretter samen med sin kjære Mekkel i 57 år. Somme av slektningane meinte at ho ikkje skulde ha gjort det, og somme sa det var kjekt gjort. «Så ulikt kan menneskene dømme» (HF). Sjøl sa ho: «No æ det gjort som gjerast skulde!» Dette vart sea eit ordtak i bygden: «No æ det gjort som gjerast skulde, sa Vesle-Støla, fjøtte om nåtte.» Mekkel og Margit hadde: Ola 1794-1880-86 bonde på Lauvset, Hallstein 1801 bonde i Enda (ved Stølen) og i Hallsteinhuso, Bjørn 1804-97-93 bonde i Rustehaugji, Ola 1807, Margit 1809 g 1841 m Ola Anfinson Sletthaug, bonde på Stryken, Nes, Gunhild 1814, Ola 1816 bonde i Døkk ved Finnset. Ola d.e. fekk garden. Han vart g 1826 m ei Kristiana (namnet er skrivi slik!), som døydde i 1884, oppgjeven alder 88 år. Kvar ho var ifrå, er ukjent. Dei hadde: Gunhild 1827-50-23 var trulova med Jakob Haugo, men døydde før giftarmalet kom i stand, Mekkel 1834-1922-88 bonde på Lauvset og Bergo, Ola 1840-77-37. Ola arbeidde ein vårdag på Klante, langstølen i Lauvset. Han la seg på marka til å sova. Då han vakna, var det som noko lea seg i magen hans. Han innbilte seg at han hadde fått eit langtrøll (hoggorm) i seg. Det vart til ein fiks ide. Søkte doktor, men han heldt det for utruleg. Ola og far hans reiste like til Gausdal for å spørja VisKnut, men han med sa nei. Ola var nok ikkje frisk etter den dag. Juleftan 1876 vart han strengt sjuk i magen, og han døydde den 3. januar under svære smerter. Gunhild, syster hans, døydde ogso etter stuttvarig sjukdom i mai 1850. Mekkel fekk garden. Han kjøpte *Bergo* og fløtte husa dit, og Lauvset vart øydt. Både Kristiana og kona til Mekkel gikk mange dagar i veka frå stølen og heim for å hjelpe til med onnearbeidet. Sjå elles Bergo.

Døkk

Nedlagt bruk under Bjødbergstøle.

Døkk låg nordafor Lauvset, høgt upp frå vegen. Vart seinare heimstøl til Hustad. Her budde Svein Nilsson Døkk g m Ingebjørg Trondsdr. Kvar dei var ifrå, er ukjent. Dei hadde ein son: Nils 1766. I Døkk budde ogso Ørjans Ørjansson Øndredal og Jørønd Persdr med den illgjetne sonen *Jørønd-Ømmund* eller *Tjuveømmund* (sjå Ørjanshaugen). Vidare budde her Svein Jakobson Purkestad 1751-1811-60. Han omkom på fjellet. Var g 1) m Ågot Knutsdr. Dei budde på Ørjanshaugji i 1801. Hadde tvilingane: Knut og Margit 1777. - Svein vart g 2) 1790 m Sigrid Ørjansdr Ørjanshaugji 1758-1814-56: Jakob 1788-1814-26 drukna i Lauvdølun, Anne 1791 g 1814 m Ola Sjugurdson Venåsbakko, Kari 1794, Knut 1796-1803-7. - Jakob var tenestgut på Støle. Våren 1814 vilde Gunhild Støle og Turid Eikre, syster hennar, til Ålsgjeld i eit bryllup. Jakob følgde dei med kløvhest. Dei reiste om Hølleskaret over Fagerdøla. Han reid fyrst over med ein sendingsembar med lefsekling og rummebrød. So skulde han ri attende over åne. Hesten snuvla, og Jakob datt i elva og drukna. Hesten kom over att, men sendinga vart ståande. Dei reiste heim att. Gunhild med det milde sinn sørgde svært over denne hendinga. Ho la på seg skulda for at Jakob bleiv. Ho var so fredlaus at ho gikk til alters två gonger den våren. Guten for i flaumen til han kom i kvernsloket i Liokvedn, som då sto på nordsida av Lauvdøla mest like ned ved Mørkedøla. «Min oldefar, Torleiv Flaten, fant guten der. Han var noget tvifald til å snakke: E fann guten e, huvu fyry o føtatn nordte!» (HF).

Enden

Nørdest på Støl-jordet var det eit lite bruk dei kalla *Enden*. Ein bratt haug der med vister etter åker, heitte Endehaugen. Og ein mann vart kalla Hallstein Enda. Dei har trutt det var Hallstein Lauvset dei kalla so. Ei slätte nørdest på Skriustøle, heiter Hallsteinstølen, det er truleg etter den sama Hallsteinen. Ogso i Grøndale var det eit bruk som tar sama namnet (sjå 86-19).

Storeskar

Gnr 88, bnr 8, lnr 641. På Storeskar.

Det var Sjugurd Olson Purkestad som tok til å bu der om vinteren kring 1866. Kan hende det hadde vore støl før. Panteregisteret syner at bruket er matrikulert under Purkestad. Knut skulde få eit vegstykke å halde i stand for Knut Bjøbergo, som hadde teke på seg veghaldet frå Tuv til amtsgrrensa ved Eldrehaugen. Men Sjugurd selde snart Storeskar til Knut Bjøbergo, som so leigde burt bruket til Bjørn Eivindson og Åse Herbrandsdr, som seinare budde i Venåse og Sjøheim (sjå Sjøheim). Dei var på Storeskar i 70-åra. Ola Knutson Reso, seinare Venåse og Venåshaga budde der i 80-åra. Etter dei kom Nils Nilsson Viljugrein f 1848 g 1882 m Kristi Olsdr Hustadbergji f 1853. Dei var på Storeskar kring 30 år. Då Eirik Bjøbergo var død, vart Storeskar *øyd*. Nils og huslyden hans fløtte då åt Skøltebakka, der son deira alt budde. Dei hadde: Ingebjørg 1883-1913-30, Nils 1885-1974 g 1915 m Ingerid Nilsdr Purkestad, bonde i Skøltedøkken (sjå der), Kari 1884, Karoline 1887, Guri 1888, Oline 1890, Margit 1892, Ola 1893 d, Ola 1893 tviling, bonde i Skøltebakka (sjå der), Kari 1895, Anne 1900 - alle gjentene so nær som Ingebjørg og Karoline vart gifte uttafør.

Storeskar Fjellstue

gnr 79, bnr 8 er ved eit mistak plassert på side 352.

Bjøbergo

Gnr 88, bnr 2, lnr 673.

i Biøbergo. Skriveform: Bjøberg.

Bjødbergstølen rudd seg støl her, før hadde denne garden støl på Flæen. Det var øvst på Bjøbergjordet denne stølen låg. «Jeg minnes det stod att et hus der oppe» (HF). Seinare utvida dei vollen eller jordet ned til storvegen, då han vart bygt. Den fyrste som busette seg i Bjøbergo, var ein tidlegare skulelærer i Ålsgjeld, Knut S. Anfinset. Det var ikring 1801-04. Knut var ein skrivekunnig mann, og brørne Knut og Ola Støle var i Bjøbergo i 1804 og lærde å skrive. Mellom det som Ola Lien let etter seg, fanst det två brev ifrå Knut Anfinset, det eine datert Bjøbergo 2-2-1805, det andre datert Ål 14-4-1815. Då var han altso komen attende til Ålsgjeld. Med Knut var i Bjøbergo, sette han seg ei julehelg til å skrive om *juleskreie* (han sende uppskrifta til skrivaren). Knut fortalde der at skreie budde i Eldrehaugji elles om året, men julenatta drog ho sør over og reiste visst like til Drammen (andre vilde ha det til at ho for åt Håhaug i Gol). Knut visste namnet på fleire som var med: Trond Høgesyning, Mads Nedtrøst, Spening Helle, Helgæ Høgføtt og Tydni Hanakamb. Etter Anfinseten kom Knut Olson

Lislelien til å bu i Bjøbergo. Han med var ifrå Ål og døydde i 1817, 32 år gamal. Han var g m Margit Espegardjordet. Knut og Torgeir Nilsson Øynelien, tenestguten hans, reiste ein dag i november 1817 burt i fjellet vestafør Bjøbergo for å hente noko reinskjøt. Dei vart ute for uver og sette livet til. Vart ikkje attfunne før neste sommar, den 6-9-1818 vart dei gravlagde. Margit vart g 2) m Jakob Hølle (sjå der). Det var ho dei kalla *Høllødøla*. Knut og Margit hade ei dotter: Turid g 1839 m Hallstein Ivarson Hustad. Eirik Knutson Torsteinsrud frå Ål tente hjå Margit med ho sat enkje, og då ho fløtte til Hølle, kjøpte han Bjøbergo. Han kalla seg heretter *Eirik Bjøbergo*. Han hadde fire brør og ei syster. (Far hans var gift två gonger. I fyrste ekteskapet var det fem søner og ei dotter, i andre ekteskapet var det fem born, sjå Ål Bygdesoge ved Lars Opsata III band s. 658.) Den eine bror hans, *Nils* 1786-1860, reiste til Romsdalen 1826 samen med Ola Brandvøl og kjøpte der øvre *Dahle* - og Ola nedre *Dahle* (sjå Brandvøl 83-3). *Nils* vart g m *Ane* Larsdtr Kylling 1809-56. Misjonshøvdingen Lars Dahle 1843-1925 var son deira. Han var misjonær og tilsynsmann på Madagaskar 1870-87 og deretter sekretær for Det norske Misjonsselskap 1889-1920. Ein gong Knut Bjøbergo, son til Eirik, var i Kristiania, vilde han treffe Lars, syskinbarnet sitt, og spurde etter han på Universitetet. «Bli med meg heim, så kan du treffe Dahle, for jeg får besøk av ham i dag,» svara den eldre mannen som han spurde. Det var professor C. P. Caspari som Knut hadde råka på, og han fortalde at Lars godt kunna ha fått ein professorpost ved Universitetet om han hadde vilja. Knut var evnerik han og, og det har lege til denne slekta. Eirik Bjøbergo som døydde i 1852, 71 år gamal, vart g 1) m Birgit Botolvdsdtr Espegardjordet i Leveld d 1821 (ho var syster til Høllødøla). Birgit hadde før ei dotter: *Birgit* 1807-56-49 med Nup Nupestøle, ho vart g 1833 m Ola Jakobson Huso d.e. Eirik og Birgit fekk ein gut: Knut 1821-1902-81 bonde i Bjøbergo. Birgit døydde i barnseng. Eirik rei med guten i fanget sitt den lange vegen åt kyrkja, då guten skulde til dåpen. Eirik vart g 2) m Kari Levorsdtr Hus frå Ål d 1871, oppgjeven alder 78 år. Dei hadde: Levor 1823 bonde på Finnset og Klante i Gol, Ola 1837 tilhaldar i Bjøbergo og sea på Bygdheim, g 1837 m Margit Nilsdtr Venåse 1848-69-21, Birgit 1840-1923-83 g 1858 m Andres Torset. Kari var eit ualmindeleg snilt menneske, gavmild mot dei mange reisande som trong hjelp og råd. Eirik var ein staut arbeidskar og beinlina i prat og framferd. Det gikk mange hermer etter han: «Det æ noko handfaste kara, desse Tøsteinru-karatn. Me ha kji an klukke enn klukka i vømben, me eta nå me bli svøltne og kvile nå me bli trøytt.» Han sette hesten sin burti ei hamn ein sommar. Om dette fortalde han: «E sette hesten min burtunde ein skyflokji, men då e kom att, va'n burte både hesten o skyflokjin.» Då det vart bygt i Bjøbergo, vart det snart kviland og nattelosji for dei som for over fjellet. Knut fekk garden. Det var heimstøl tett nordafor Bjøbergo, som forlengst er *nedlagd*, og langstøl på Sletto sør for Eldrehaugji. Knut var ein framtøk mann. Då køyrevegen over Hemsedalsfjellet vart ferdig 1844, vart det straks skyss-stasjon og postskifte i Bjøbergo, med rute nedover til Tuv og nordover åt Breistøle med post, til Hegg med skyss. I 1870-åra vart ogso Breistølen skyss-stasjon. Knut sette opp nye, tidhøvelege hus (alle hus bygde i *ei* lengd, so ein ikkje trong gå utomhus i vinterstormane). Knut forsto vel det som trengdest, og det som trengdest skaffa han. Han var forsynleg med alt mogeleg. «Jeg var der oppe første gang 1871. Det var søndag 17de juli, nettop da Kari var død. Jeg syntes innboet i husene der var som på en krambod. Spesielt husker jeg at han hadde kjøpt ikke mindre enn 100 grifler. Hver vinter reiste han til Drammen og Kristiania. Hadde foretrede for statsråder og amtmenn. Var behendig til å forelegge sine saker. Hadde betaling for skyss-stasjonen, for fjellstuen, for posten, for vedlikeholdet av veien Tuv-Eldrehaug. Fikk høiere betaling for skyssen både nedover og nordover enn skyss-skaffere i bygden, fordi han måtte fore hestene lengere tid av året enn disse. I jobbetiden i 1870-årene tjente han særlig godt. Skaffet sig mange eiendommer: søre Venåsbakko med støl på Ershøvd, Rundegjerda (senere tilhørende Purkestadhaugo), Hølo i Heimdale, Storeskar og Purkestadvøln, Tøsteinvøln, nedre Liastølen eller Bergastølen, Veslegjerde, Viljugreins-stølen og Hestehaugo. Halvdelen av kirken åtte han også. Hadde flere kommunale hverv: forlikskommisær, valgmann m.fl. Hadde lett for å snakke og lett for å gjøre sig gjeldende blandt folk. Godgjørende, men passet også sine ting, selv de minste, og blev en rik mann. Mehlum karakteriserte ham så: Den som skulde lure ham, måtte ha gjort et puss før, han var ikke nettop for nybegynnere i faget, for han var slu» (HF). Knut vart g 1850 m Ragnhild Olsdtr Hustad 1833-1903-70. Dei hadde desse borna: Birgit 1848-1919-71 g 1869 m Trond Tuv 1841-1918, Eirik 1852 d, Kristi 1853-1918-65 g 1871 m Trond Haug 1836-1901, Kari 1856-1938 g 1879 m Asle Knutson Hesla i Gol, Eirik 1860-1921-61 bonde i Bjøbergo, Ola 1863-1925 grosserar i Drammen g m Ingerid Jegersdtr Trøym 1864-1953, tvilingane Knut og Botolv 1865 d, Oline 1867-1931 g 1893 m Arne Olson Finnset 1864-1936, Margit 1870-94 g m bonde Elling Eggum, Lærdal, Knut 1873 d, Gunhild 1874-1940 g 1893 m handelsmann og postopnar Jon Grøto på Bygdheim, som han kjøpte av Gunhilds bror Ola, Birgit 1877-1937 g 1900 m hotelleigar og bonde Ola Steingrimson Granheim i Gol. Eirik g 1908 m Sunnev Hansdtr Purkestadhaga 1863-1919 overtok Bjøbergo i 1890-åra. og foreldra fløtte då ned i bygda og bygde åt seg på søre Bygdheim, der dei baa døydde. Då kronprins Gustaf av Sverige og Norge i 1898 køyrde opp Valdres og ned Hemsedal, kvilde han og følget hans på søre Bygdheim hjå Knut og Ragnhild Bjøbergo. - Knut og Ragnhild gav kr. 1210,- til eit legat for naudkomne som ikkje fekk fatighjelp. Under Eiriks styretid minka den store

trafikken i Bjøbergo. Mesteparten av posten over fjellet gikk om Valdres og reisetrafikken vart mindre, især etter at Bergensbanen vart opna i 1909. Postgangen over Hemsedalsfjellet slutta heilt ved utgangen av 1908. Og då so bilrutene kom, vart det slutt med hesteskyssen. - Eirik døydde brått i 1921. Han og Sunnev hadde ingen born, og Jon Grøto kjøpte eidedomen. Asle, son til Jon, tok over styringa, men drifta bar seg ikkje, so Jon selde Bjøbergo til grosserar H. Bogen, Røyken for kr. 30000 i 1927. Dermed gikk eidedomen ut or ætta. I 1930 kjøpte Olav J. Dokk Bjøbergo. Olav f 1892 vart g 1920 m Barbo Eldbjør frå Gol f 1894. Deira born: Jæger 1920 ugift, driv no Bjøbergo, Ola 1922 g m Ingrid Olsdtr Grøthe 1931-71, han bur no i Trøym's sentrum (Solli 68-20) har tre gutar og ei jente), Birgit 1924 g 1948 m Ludvik Lyseggen, dei bur i Oslo, har tre gjenter, Olaug 1925 g 1944 m Olav Sletten (sjå 80-22). - Olav Dokk har dyrka upp omlag 35 mål på Bjøbergo, bygt ny stølsbu og nytt fjøs på stølen Sletto. Har sett ut fisk i fleire fjellvatn. I 1930-45 hadde han snøbrøytinga frå Tuv til fylkesgrensa og vedlikehaldet av vege frå Storeskar. Er ein seig og uthaldande fjellmann som likar å ferdist i fjellet. Olav og Barbo har bygt seg hus nede i bygda på Skogajordet (Steinsrud 68-32) og bur der. Men når sommaren kjem, dreg han til Bjøbergo for å hjelpe til med slått og anna arbeid. Kvar haust er han med og samlar inn rein som skal slaktast på slakteplassen på Sletto, og er ogso med på slaktinga trass sine 82 år. Han er ein slitar av det gamle slaget. Heime på Bjøbergo er det bygt 8 private hytter og på Sletto 10.

Andre huslydar i Hemsedal

Ikkje so rett sjeldan nemner kyrkjebøkene giftarmal eller barnedåp utan at bustad-namnet eller -namna er oppgjevne. Me tek med desse her samla under eitt:

Giftarmål:

Mekkel Eirikson g 1699 m *Guri* Knutsdtr. *Ola* Klemetson g 1699 m *Anne* Øysteinsdtr. *Uhans* Asleson g 1700 m *Guri* Kolbjørnsdtr. *Jon* Tomasson g 1702 m *Ingerid* Vebjørnsdtr. *Ivar* Nilsson g 1702 m *Margit* Torleivsdtr. *Ola* Bjørnson g 1702 m *Sigrid* Knutsdtr. *Ola* Sjugurdson g 1703 m *Guri* Olsdtr. *Jehans* Andresson g 1703 m *Birgit* Olsdtr. *Tore* Mekkelson g 1704 m *Marte* Torgeirsdtr. *Per* Jenson g 1705 m *Rangdi* Jonsdtr. *Torleiv* Sveinson (Viljugrein) g 1708 m *Barbo* Torleivsdtr. *Torslein* Reiarson (Eikre) g 1708 m *Ambjørg* Olsdtr. *Svein* Hansson g 1709 m *Anne* Rasmusdtr. *Eirik* Knutson g 1709 m *Dis* Ivarsdtr. *Embrik* Jonson g 1712 m *Guri* Knutsdtr. *Embrik* Halvorson g 1712 m *Gunhild* Aslesdtr. *Knut* Olson g 1713 m *Jørønd* Sveinsdtr. *Tore* Olson g 1713 m *Birgit* Endresdtr. *Ola* Andresson g 1725 m *Anne* Gudbrandsdtr. *Ola* Olson g 1726 m *Gro* Oddmundsdtr. *Knut* Knutson g 1727 m *Margit* Sveinsdtr. *Ola* Ivarson g 1727 m *Else* Hansdtr. *Sjugurd* Ingvarson g 1728 m *Velgjerd* Nilsdtr. *Ola* Nilsson g 1731 m *Kari* Torsteinsdtr. *Ola* Nilsson g 1732 m *Ragnhild* Aslaksdtr. *Torstein* Knutson g 1733 m *Anne* Helgesdtr. *Ola* Olson g 1733 m *Kari* Bjørnsdtr. *Ola* Rolfson g 1734 m *Guor* Hansdtr. *Knut* Torleivson g 1734 m *Anne* Embriksdtr. *Gudleik* Tomasson g 1734 m *Ragnhild* (eller Rangdi) Hallsteinsdtr. *Henrik* Torleivson g 1735 m *Ingebjørg* Torleivsdtr. *Asle* Person g 1736 m *Sunnev* Øysteinsdtr. *Ola* Henrikson g 1736 m *Barbo* Nilsdtr. *Jakob* Torleivson g 1737 m *Ragnhild* Pålstdtr. *Bjørn* Person g 1737 m *Barbo* Andresdtr. *Svein* Henrikson g 1737 m *Kristi* Jonsdtr. *Nils* Knutson g 1738 m *Toræ* Knutsdtr. *Hermann* Olson g 1738 m *Olaug* Persdtr. *Trond* Jonson (Grøto) g 1739 m *Birgit* Olsdtr. *Jakob* Henrikson g 1739 m *Liv* Olsdtr. *Ola* Jonson g 1740 m *Velgjerd* Nilsdtr (Fausko). *Ivar* Eirikson Haugstad (Gol) g 1740 m *Margit* Olsdtr. *Ola* Nilsson g 1741 m *Birgit* Bjørnsdtr. *Ola* Jørgenson g 1741 m *Anne* Trondsdr. *Jakob* Toreson g 1741 m *Guro* Ørjansdtr. *Ola* Knutson g 1742 m *Guro* Mekkelstdtr. *Asle* Olson g 1742 m *Barbo* Persdtr. *Knut* Olson g 1742 m *Sunnev* Bjørnsdtr. *Knut* Halvorson g 1742 m *Gunhild* Embriksdtr. *Knut* Knutson g 1744 m *Ingebjørg* Torleivsdtr. *Knut* Larsson Helling (Ål) g 1745 m *Margit* Arnesdtr. *Jakob* Hansson g 1750 m *Kristi* Olsdtr. *Halvor* Olson g 1750 m *Olaug* Persdtr. *Sjugurd* Torleivson g 1751 m *Olaug* Persdtr. *Embrik* Endreson g 1752 m *Guri* Tomasdtr. *Knut* Knutson g 1752 m *Kari* Embriksdtr. Soldat *Steinar* Eilivson g 1752 m *Gunhild* Henriksdtr. *Ola* Håkonson g 1753 m *Margit* Halvorsdtr. *Knut* Nilsson g 1753 m *Sissel* Jonsdtr. *Embrik* Halvorson g 1753 m *Dis* Knutsdtr. *Knut* Olson g 1754 m *Barbo* Hermundsdr. *Nils* Olson g 1754 m *Margit* Einarsdtr. *Arne* Olson g 1759 m *Liv* Aslesdtr. *Gudleik* Nilsson g 1759 m *Margit* Ivarsdtr. *Tore* Person g 1759 m *Åse* Mekkelstdtr. *Nils* Mekkelson g 1762 m *Guri* Knutsdtr. *Ola* Ivarson g 1762 m *Inga* Jonsdtr. *Knut* Torleivson g 1763 m *Sigrid* Jakobsdtr. Enkjemann *Gudleik* Aslakson g 1763 m enkje *Sigrid* Persdtr. *Vigger* Olson Rukke (Nes) g 1773 m *Barbo* Hansdtr. *Andres* Olson (Intelhus?) g 1794 m *Margit* Torleivsdtr. *Ivar* Olson g 1796 m *Barbo* Hansdtr. *Ola* Ingvarson g 1798 m *Birgit* Jonsdtr.

Døypte:

Ola Nilsson har til dåpen: *Asle* 1694. Ola Dalen: *Knut* 1694. Botolv Øygarde: *Tomas* 1694. Rasmus Anfinson: *Ivar* 1694. Foreldre ikkje oppskrivne: *Jon* 1700. Tomas Nilsson og Anne Torleivsdtr: *Nils* 1700. Per Pålson og Ragne Sjugurdsdtr: *Knut* 1710. Helge? og Dorte Knutsdtr: *Anne* 1711 (Ålrust og Trøym). Tore Olson og Margit Endresdtr: *Sisele* 1712 (Vøllø). Ola Olson og Birgit Olsdtr: *Margit* 1713. Halvor Olson og Birgit Oddmundsdtr: *Torleiv* 1724. Ola Bjørnson og Liv Toresdtr: *Lars* 1724. Tomas Knutson og Inga Helgesdtr: *Lars* 1724, *Gaute* 1733. Mekkel Kristenson og Dis Knutsdtr: *Kirsti* 1724. Hans Olson (og Liv Knutsdtr): *Ola* 1724, *Anne* 1734. Ola Pålson: *Margit* 1724. Torleiv Bjørnson g 1724 m Guri Helgesdtr: *Knut* 1730. Andres Jonson g 1726 m Åse Helgesdtr: *Jon* 1726, *Knut* 1728. Sjugurd Olson: *Ola* 1726, *Margit* 1731 (mor ikkje nemnd). Per Pålson (Øndredal): *Kari* 1727. Sjugurd Embrikson og Anne Helgesdtr: *Ola* 1727. Isak Olson g 1727 m Margit Olsdtr: *Ola* 1732. Arne Andresson eg Margit Persdtr: *Margit* 1728. Jehans Ivarson og Ragnhild Ivarsdtr: *Per* 1728. Jehans Ivarson g 1729 m Ragnhild Bjørnsdtr: *Kari* 1729. Knut Olson g 1728 m Olaug Sjugurdsdtr: *Kari* 1728. Henrik Toreson g 1728 m Anne Aslesdtr: *Sissel* 1729, *Asle* 1734. Lars Tomasson g 1729 m Anne Tomasdtr: *Nils* 1732. Nils Sjugurdson: *Ragne* 1732 (mor ikkje nemnd). Knut Person g 1731 m Olaug Knutsdtr: *Ola* 1732, *Per* 1740, *Margit* 1741. Svein Embrikson g 1731 m Jørønd Jonsdtr: *Jon* 1733. Helge Bjørnson g 1732 m Rangdi Oddmundsdtr: *Hans* 1733, *Bjørn* 1734 (d 1811), *Anne* 1736, *Ola* 1741 (Jordheim). Knut Knutson og Magdalene Nilsdtr: *Nils* 1732. Knut Knutson (Purkestad) og Jartrud Trondsdr: *Lars* 1733. Knut Olson og Sunnev Øysteinsdtr: *Isak* 1733. Ola Larsson og Anne Sjugurdsdtr: *Torstein* 1733. Eivind Torsteinson g 1733 m Margit Olsdtr: *Margit* 1734, *Torstein* 1736. Per Hallsteinson: *Hallstein* 1734. Kristian Rasmusson g 1734 m Anne Torgeirdsdr: *Torgeir* 1736. Jehans Ivarson g 1734 m Kari Trondsdr: *Ivar* 1736. Jakob Nilsson g 1734 m Guri Helgesdtr: *Tore* 1736, *Tore* 1746. Gaute Rolfson: *Margit* 1735. Embrik Nilsson: *Sigrid* 1735. Embrik Tomasson g 1735 m Sunnev Torleivsdtr: *Barbo* 1735. Anfin Tomasson og Ågot Sveinsdtr: *Mari* 1735. Endre Andresson: *Rangdi* 1735 (med dotter *Anne* Mekkelstdtr 1770). Gudleik Aslakson g 1735 m Ragnhild Trondsdr: *Trond* 1736. Knut Tomasson: *Margit* 1736. Vebjørn Jonson og Liv Aslesdtr: *Jon* 1736. Andres Mekkelson g 1736 m Rangdi Torsteinsdtr: *Ola* 1736, *Guri* 1743, *Jørønd* 1749, *Margit* 1752. Ola Øysteinson og hustru Åse: *Margit* 1736. Jiggjer Mekkelson g 1738 m Kari Olsdtr: *Birgit* 1739, *Guri* 1742. Nils Nilsson: *Ingerid* 1739. Halvor Helgeson g 1739 m Kari Nilsdtr: *Sygni* 1740. Knut Tomasson g 1740 m Barbo Anfinnsdtr: *Sigrid* 1741, *Tomas* 1744. Asle Olson g 1741 m Sigrid Knutsdtr: *Kari* 1742. Ola Andresson frå Sigdal: *Simen* 1742. Torleiv Hansson g 1745 m Jørønd Knutsdtr: *Jakob* 1747, *Ingerid* 1749, *Halvor* 1752. Asle Person Lislelien: *Margit* 1746. Torleiv Håkonson: *Guri* 1747. Hallstein Oddmundson g 1747 m Kari Torleivsdtr: *Torleiv* 1749, *Torleiv* 1750, *Oddmund* 1754, *Oddmund* 1756. Tomas Tomasson g 1749 m Margit Halvorsdtr: *Elisabet* 1758. Sjugurd Knutson g 1750 m Margit Torgeirdsdr: *Guro* 1751. Svein Larsson og Birgit Gudtormsdtr: *Ingebjørg* 1752. Halvor Toreson: *Knut* 1750. Tore Olson og Guri Olsdtr: *Mari* 1753. Sjugurd Knutson og Margit Torgeirdsdr: *Knut* 1753. Gevorben soldat Tore Arneson g 1754 m Birgit Nilsdtr: *Nils* 1754, *Ola* 1756, *Henrik* 1757. Knut Olson og Barbo Herbrandsdtr: *Kari* 1755. Jakob Toreson og Jartrud Ivarsdtr: *Guro* 1759. Ivar Jonson og Guri Torleivsdtr: *Ivar* 1759. Gudtorm Halvorson og Liv Olsdtr: *Ola* 1786. Eivind Mekkelson og Gunvor Jonsdtr: *Guro* 1789. Lars Toreson og Birgit Embriksdtr: *Guri* 1790. Ola Haugen og kone Ragnhild: *Knut* 1790. Anfin Eivindson og Brynhild Jonsdtr: *Ola* 1804 (døypst i Leganger i Sogn).

Fødde utanfor ekteskap:

1699 Barnet til Mekkel Eirikson Brandvølog Guri Knutsdtr Hustad (namnet på barnet er ikkje oppført).
1700 Ola Olson Intelhus og Malli Jonsdtr: *Isak* d 1729. 1702 Iehans Sjugurdson og Ambjørg Sjugurdsdtr: *Anne*. Anne Olsdtr: *Berte*. 1704 Eirik Haug og Anne Sjugurdsdtr: *Ragnhild*. 1707 Eirik Haug og Anne Sjugurdsdtr: *Eirik*. 1710 Hans Halvorson Torset og Sigrid K. Viljugrein: *Guro*. Ola Jehansson Rust og Ragnhild Tomasdr: *Oddmund*. Bjørn Løkji og Sunnev Torleivsdtr: namnet på barnet ikkje oppført.
1736 Ola Knutson og Birgit Bjørnsdtr: *Torstein*. 1740 Knut Olson og Sunnev Bjørnsdtr: *Halvor*. 1741 Knut Olson Markegølo og Ragne Henriksdtr: *Knut*. Sveins Larsson Kyrkjebøn og Kari Torsteinsdtr: *Henrik*. 1743 Tomas Tomasson og Jørønd Persdtr: *Embrik*.
1744 Soldat Trond Jakobson og Birgit Jakobsdtr: *Ola*.
1745 Per Hansson og Sunnev Mekkelstdtr: *Margit*.
1746 Embrik Oddson og Guri Mekkelstdtr: *Kari*.
1747 Knut Jonson og Anne Jakobsdtr: *Guri*.
1748 Tore Arneson og Guri Tomasdr: *Ingebjørg*.

1749 Halvor Herbrandson og Sigrid Andresdtr: *Oddmund*. Soldat Kristoffer frå Modum og Dis Endresdtr: *Ola*. 1751 Skulehaldar Halvor Halvorson og Kari Persdtr Øygarde: *Pål*.
1752 Soldat Steinar Eilivson og Birgit Nilsdtr: *Anne*.
1753 Einar Halvorson og Dis Knutsdtr: *Helgæ*.
1754 Gunnvald Embrikson Lykkjun og Guri Knutsdtr: *Kari*. Gunnvald Embrikson og Sunnev Mekkelsdtr: *Birgit*.
1755 Bjørn Olson Ullsåk og Kari Olsdtr: *Mari*. Ola Helgeson og Kari Halvorsdtr: *Guri*.
1756 Eivind Knutson og Helgæ Torleivsdtr: *Guri*.
1757 Jon Larsson Kyrkjebøn og Sigrid Andresdtr: *Halvor*. Knut Torset og Birgit Nilsdtr: *Nils*. 1758 Mons Tomasson og Kari Anfinsdtr: *Anne*. Jehans Jakobson og Gunhild Rasmusdtr: *Margit*.
1759 Ola Olson Skar og Ingebjørg Eivindsdtr: *Kari*.
1763 Ragnhild Skølt: *Ragnhild* (far ikkje nemnd).
1764 Halvor Olson og Anne Halvorsdtr: *Birgit*. Herbrand Eivindson og Guri Anfinsdtr: *Barbo*. Hans Knutson Trøym og Kirsti Olsdtr Jordheim: *Per*.
1765 Bjørn Helgeson Jordheim og Sygni Sjugurdsdtr: *Sjugurd*. Knut Knutson Skar og Ingebjørg Halvorsdtr: *Ragne*.
1767 Soldat Knut Knutson Lykkjun og Ingebjørg Halvorsdtr: *Jon*. Ola Address on Gudbrandsrud og Sunnev Olsdtr: *Ola*.
1768 Korporal Andres Tomasson Døkk og Ambjørg Sjugurdsdtr: *Barbo*.
1769 Korporal Andres Tomasson og Guro Torsteinsdtr: *Torstein*.
1776 Mekkel Eirikson Fausko og Guri Torleivsdtr: *Torleiv*.
1777 Gudleik Botolvson Rukke (Nes) og Liv?: *Ingerid*. Per Ørjansson Øndredal og Gudbjørg Hallsteinsdtr: *Svein*.
1778 Ola Olson Kyrkjebøn og Jørønd Gudtormsdtr: *Sissel*.
1779 Oddmund Hallsteinson Støle og Kari Monsdtr: *Embrik*.
1781 Soldat Ola Pålson og Birgit Torsteinsdtr (ukonfirmert): *Hallvor*.
1782 Nils Hansson Haga og Velgjerd Persdtr (ukonfirmert): *Ola*.
1784 Soldat Ola Embrikson Løkjiseigo og Margit Aslaksdtr: ei jente. 1786 Helge Mekkelson Tuv og Margit Trondsdr Øndredal: *Margit*. 1788 Torstein Gudtormsons enkje Anne Olsdtr: *Nils*. 1793 Andres Person og Margit Ivarsdtr: *Ambjørg*.
1800 Håkon Olson Stølseigo og Jørønd Olsdtr Tuvseigo: *Knut*. Embrik Oddmundson Hustadeigo og Birgit Halvorsdtr Hustadeigo: *Knut*.
1804 Helge Olson Trøym og Kari Aslesdtr Trøymseigo: *Ingebjørg*.
1808 Nup Knutson og Margit Monsdtr: *Mekkel*. Ola Toreson Grøto og Sigrid Knutsdtr (g 1809 til Skarsplasse): *Knut*.
1817 Knut Mekkelson Grøndale og LivBjørnsdtr Grøndale: *Bjørn*. 1866 Ola Olson Borlo (Borgund) og Kari Eiriksdtr Hallbjørshus: *Eirik* d.
Utanom desse er alle tekne med i ættelistene. I tidsrom et 1693-1923 var 307 fødte utanfor ekteskap. Dessutan dei som måtte vera døypte utanbygds.

Håper det ikke er for mange feil i dokumentet. Hilsen Rune Eikre.

